

TORGEIR EDLAND

GARDS
OG ÆTTESOGA

For Nærbø

UTGIVAR HÅ KOMMUNE 1971

Denne bok er trykt og innbundet hos
Ingvald Dahle, Sandnes,
på hvitt sat. trykkpapir 120 g fra Borregaard.
Skrift Ionic korpus kompress.
Sandnes 1971.

INNHALD

G.NR.	1 RIMESTAD	side	9
G.NR.	3 SØYLAND,G.NR. 2 KAFFIHODL _____	-	22
G.NR.	5 HØYLAND	-	32
G.NR.	4 BEKKEHEIEN	-	69
G.NR.	6 REFSNES	-	71
G.NR.	7 NÆRLAND	-	74
G.NR.	8 NJÆRHEIM	-	87
G.NR.	9 HAAVÅGS LAKSEFISKERI	-	111
G.NR.	10 HAA PRESTEGARD	-	113
G.NR.	11 OBRESTAD.....	-	146
G.NR.	12 REIME	-	158
G.NR.	13 SØR-REIME	-	172
G.NR.	14 GRØDALAND	-	181
G.NR.	15 VIGRE	-	186
G.NR.	16 NÆSHEIM	-	199
G.NR.	17 LODE	-	220
G.NR.	18 ØDEMOTLAND	-	236
G.NR.	19 KVIA.....	-	242
G.NR.	20 MOTLAND	-	258
G.NR.	21 SKJÆRPE	-	266
G.NR.	22 NÆRBØ	-	279
G.NR.	23 BJORLAND	-	305
G.NR.	24 TORLAND	-	312
G.NR.	25 BJORHAUG.....	-	329
G.NR.	26 BØ	-	335
G.NR.	27 GRØTHEIM	-	376
G.NR.	28 GUDMESTAD	-	381
G.NR.	29 GAUSLAND.....	-	394
G.NR.	30 NJØLSTAD	-	402
G.NR.	31 RISA	-	407
G.NR.	32 VÅLAND	-	424
G.NR.	33 LINDAL	-	431
G.NR.	35 OPSTAD (m. g.nr. 34 Svine, g.nr. 36 Åno) -	-	436
G.NR.	37 LÅGE-HÅLAND (Øystre Håland)	-	453
G.NR.	38 STORE-HÅLAND (Vestre Håland) _____	-	457

Innføring



Torgeir Edland.

Det var ved studiet av R. A. Håland sine oppskrifter om "Jæderslekter" i Rogaland Historielag sine årshäfte gjennom mange år, at interessa for ættegransking vakna hjå meg. Det var først og fremst mi eiga ætt eg fann mykje tilfang til der, især morsætta, og sidan fann eg farsætta heilt utgreidd hjå Søren Ameson i "Gards- og Ættesoga for Gjesdal". Etter kvart tok eg til å rota i ætta til kona mi og andre sine ætter. Så fekk eg i oppdrag av Ola Aurenes å samle tilfang til ei gards- og ættesoga for Nærbø, som han var meint å skrive. — Men åra gjekk, og Aurenes hadde både hovud og hender fulle av anna arbeid, så han tyktest ikkje få tid til den påtenkte ættesoga for Nærbø. I

1940 rådde han så meg til å skrive den. Det same hadde Søren Arneson oppmoda meg til tidlegare, og eg våga meg då i veg med arbeidet.

Men nå galdt det ikkje berre Nærbø. Også Varhaug måtte koma med, då dei to soknene i stor mon er samanvaksne genealogisk, og då dei sidan også administrativt er samanslegne til Hå Kommune, har det vorte sjølv sagt at Varhaug må koma med. Det vert to band, og vonleg eit tredje band for Ogna, som og kom med i Hå Kommune.

Første bandet, som omfattar Nærbø, ligg nå føre ferdig frå mi hand. Bandet for Varhaug er og så å seie ferdigskreve. For Ogna ligg føre tilfang samla av Kristoffer Varden og Omund eller Morten Lindtjøm, og underskrevne har og ved høve raska ihop sumt i same farten som han har arbeidd med Nærbø og Varhaug. Men skal der skrivast noko for Ogna, så bør vel helst ein Ogna-bu gjera det.

Det er sjølv sagt, at ved eit arbeid som dette, der ein ofte må fomla seg fram gjennom hundrad-åra, vil der finnast både manglar og feil. La oss vona, at både det som vantar og det som er gale ikkje vil gjera verket heilt verdlaust.

Slutteleg vil eg bera fram min hjartelegste takk til alle dei som har vore hjelpsame, slik at arbeidet har vorte så pass som det nå ligg føre. I første rekkje står eg i stor skuld til avlidne Ola Aurenes, som ga meg fritt tilgjenge til si store avskrift-samling av kjeldestoff. Dinest har avlidne A. Ellingsen, Stavanger, vore meg til stor hjelp og rettleiding, og Jakob J. Jåthun og mange andre. Og sist, men ikkje minst, personalet i Statsarkiv-kontoret i Stavanger, som har hjelpt meg med å tyda alle dei krusedullar og kråketær i arkivprotokollane som gjeld for skrift. — Slutteleg min beste takk til nemnda som har gått gjennom manuskriptet og retta mykje som rangt var skrive.

Høneland 13. februar 1970.

Torgeir Edland.

G.nr. 1. Rimestad

Uttalast Rimest. — Namnet er vandt å tyda, men det kjem truleg av eit personnamn. Rigmund eller Rimulv. O. Rygh nemner Hrimhildr som eit brukbart namn å definera namnet etter. Rimestad hadde ei korn landskuld på 51 spand eller 2% pund. Halsnøy Kloster åtte 42 spand og Johannes Sørbo 9 spand. — Garden låg i Njærheim sokn og Haugland skipreide. Skifta i sør med Søyland, mot vest med Høyland, mot nord med Steinsland i Time og mot Haugland, i sør mot Haa-åno. Terrenget er flatlendt og god jord med torvmyr-vidder imillom.

NAMNEREGISTER

1. Endre Rimestad
2. Nils Rimestad
3. Byrild Rimestad
4. Mogens Rimestad
5. Tørres Rimestad
6. Gregorius Rimestad
7. Rasmus Rimestad
8. Tore Bjørnson
9. Alv Alvson
10. Ola Rimestad
11. Jon Toreson
12. Asbjørn Botolvson
13. Rasmus Kristoferson
14. Omund Larsson
15. Peder Johannesson
16. Ola Jakobsen
17. Einar Jensson
18. Halvard Jakobson
19. Jon Jonson
20. Håvard Rimestad
21. Rasmus Hansson
22. Lars Gitleson
23. Tore Pederson
24. Erik Olson
25. Ola Olson
26. Omund Rasmusson
27. Tore Toreson
28. Ola Tallakson
29. Ingebret (Nilsson?)
30. Rasmus Karlson Løge
31. Torsten Olson
32. Sven Olson
33. Sjur (Siver) Hansson
34. Kristen Kristenson
35. Mikkel Pederson
36. Kristofer Jakobson
37. Kristen Erikson
38. Ola Halvardson
39. Erik Olson Bryne
40. Tore Tjæranson Nærland
41. Ola Omundson Rimestad
42. Hans Omundson Rimestad
43. Rasmus Omundson Rimestad
44. Omund Omundson Rimestad
45. Tore Svenson
46. Bendiks Gregoriusson
47. Tjærand Toreson
48. Gabriel Toreson
49. Peder Olson Ueland
50. Siver Torstenson Rimestad
51. Omund Rasmusson Rimestad
52. Jakob Kristoferson
53. Tjærand Torstenson
54. Ola Ingebretson Nærheim
55. Sven Tjæranson Rimestad
56. Ola Olson Rimestad
57. Halvard Gabrielson Rimestad
58. Tønnes Toreson Rimestad
59. Mathias Omundson Rimestad
60. Ivar Larsson Braut
61. Torsten Tobias Tjæranson
62. Sven Torkelson Høyland
63. Lars Larsson (Svenson?) Løge
64. Nils Pederson Høyland
65. Lars Ivarson Rimestad
66. Hans Omundson Rimestad, Nærheim
67. Søren Bertinius Svenson Lode
68. Gustine Skretting, (Njølstad)
69. Eilert Pederson Søyland
70. Ole Johan Tønnesson Rimestad
71. Abraham Jonson Salte
72. Omund Mathiasson Rimestad

73. Laurits Pederson Håland
74. Severin S. Rimestad
75. Søren Bertinius S. Rimestad
76. Tjerand T. T. Rimestad
77. Tønnes T. T. Rimestad
78. Enevald Reime
79. Gabriel Nilsson Rimestad
80. Tønnes O. Rimestad
81. Johan O. Rimestad
82. Ivar Larsson Rimestad
83. Gerhard Johan Tveit
84. Trygve T. Høyland
85. Rasmus Olson Håland
86. Henning Mjåtveit

1. Endre er nemnd på Rimestad i 1519.

2. Nils er nemnd saman med Endre i 1519, og nemnd i 1521.

3. Byril (Berulv) er og nemnd i 1521.

4. Mogens er nemnd i 1563. Truleg var han den same som er nemnd i 1602 til 1613, då han skatta 10 dalar. I 1624 gav Mogens Rimestad 1 vett leidang.

5. Tørres Rimestad er nemnd saman med Mogens i 1563.

6. Gregorius Rimestad er nemnd saman med Mogens 1602/1613. Han skatta 10 dalar.

6. B. Bård Rimestad bytte bruk med Antonius Årestad i 1639. — (Sjå Tingb. I side 55.)

7. Rasmus Rimestad er nemnd saman med Mogens i 1624. Han gav 1 vett leidang. Truleg var hans dotter den Marit Rasmusdtr. Rimestad som var g. m. murar i Stavanger Hans Erikson Tjelta. Rasmus Rimestad bømte y2 dalar for han hadde gjeve Mogens Rimestad eit lurkeslag i 1633.

8. Tore Bjørnson er på Rimestad i 1645 og 1665. Han var fødd kring 1593, skifte etter han 28-2 1684. Kona heitte Gjøa Toresdotter. Tore Rimestad var laugrettesmann i 1639. 5 barn er nemnde:

1. Bjørn Fosse, var død før skiftet. Han hadde vore g. m. 1) Steinvor Eivindsdtr. Fosse, 2) Guri Olsdtr.
2. Jon Toreson Rimestad (nr. 11).
3. Hans Toreson, f. 1657?
4. Gitlaug Toresdtr. var gift på Undheim.
5. Marit ?
6. Berit ?
7. Guri ?

9. Alv Alvson er nemnd saman med Tore Bjørnson 1645 og 1665. Han er nemnd 60 år i 1665, 12 år yngre enn Tore, så det er vel lite rimeleg at han var Tore sin farbror, og son til Alv Dagfinnson Risa, som det har vore halde fram. Men når me veit at han åtte gods i Risa og Skjærpe, så må han ha hatt ættesamband med Alv Risa — kanskje soneson hans? Han var g. m. Guri Monsdtr. Undheim. Der er nemnde 3 barn i 1665, men då der ikkje er funne noko skifte, kan der vel ha vore fleire. Me skal då her ta med ein som truleg var son deira.

1. Mons Alvson Hauge, f. kr. 1640, g. m. enkja etter Salomon Hauge i Klepp, Guri Ingebretsdtr.,
2. Ola, f. 1653.
3. Alv, f. 1656, g. m. enkja etter Eivind Hauge, Anna Hansdtr. — Budde på Hauge i Klepp.
4. Ola d. y., f. 1658. Der må ha vore ei dotter au, for den 9-12 1717 var der registrering hjå Alv Alvson Hauge (n) (enk.) som var bortrymd saman med systerdotter si, Gunhild Olsdtr.

10. Ola Rimestad. — Han er ingen stad nemnd. Men i 1701 tente ein Oluf Olufson hjå Haa-presten Peder Erikson Leganger. Han er kalla "aftaklet soldat", var 45 år og f. på Rimestad.

11. Jon Toreson var son til Tore Bjørnson (8). Han var f. kr. 1655, og er på Rimestad i 1701. Det året var der 3 mann på Rimestad, før den tid hadde der butt berre 2. Alderen til Jon er sett til 60 år i 1701, og det samsvarar ikkje med den alderen som er sett i 1665, 11 år. Likevel var det nok same mannen, og det er vel den alderen som er gjeven i 1665 som er den rettaste. Han skulle etter det vore fødd kr. 1655. — Jon var g. m. Karen Jonsdtr. Ho døydde i 1684, skifte 28-2 det året. Det er uvisst kva tid Jon døydde. Men sidan han levde i 1701 er det rimeleg at han hadde gifta seg ein gong til Han hadde 2 barn med Karen Jonsdtr.

1. Jon.
2. Ranveig, g. med Omund Larsson (14.).

12. Asbjørn Botolvson Njærheim, (sjå Njærheim 32). Han var fødd kring 1650. Gift med Rebekka Pedersdotter, dotter til Peder Samuelson Hognestad i Time og kona Barbro Isaksdtr. Nærland. Rebekka døde i 1695, skifte etter henne 16-6 det året. Gift 2) 1695 med Kirsti Rasmusdotter Lunde, dotter til Rasmus Johannesson Lunde og kona Guri Ras-

musdtr. Nærland. Ho var syskenbarn til Barbro Isaksdtr. Ei dotter i første gifte:

Kari Asbjørnsdtr. Ho var for retten i 1719 for leiermål med Ivar Mikkelsen Risa (ikkje i Nærbø), som begge vart ilagde leiermåls-bøter.

13. Rasmus Kristoferson er nemnd på Rimestad i 1701 saman med Jon og Asbjørn. Det er uvisst kven han var. — Han var fødd kring 1640. Kanskje var han gift med enkja etter Alv Alvson, Guri Monsdotter, og brukte kanksje ein part av same bruket, og så Asbjørn Botolvson resten av bruket. — I 1718 er nemnde berre 2 brukarar på Rimestad.

14. Omund Larsson kom til Rimestad i 1704 og brukte 12% spand. Han var fødd kring 1665. Gift med Ranveig Jonsdotter Rimestad, (11. 2.). — Ho døde i 1740, skifte 10-12 det året. Det er uvisst kvar Omund Larsson var frå. — Ein Omund Larsson tente på Årestad i Time i 1701, 28 år, og fødd i Bø sokn. Omund og Ranveig hadde 2 døtre, som begge var gifte då skifte etter mora var:

1. Karen Omundsdr., gift med Sven Rasmusson Mossige, (S. Varhaug 28.).
2. Berit Omundsdr., gift med Halvard Jakobson Rimestad (18).

15. Peder Johannesson, var nok son til Johannes Pederson Bryne og Eldrid Halvardsdr. Torland. Han var fødd kring 1660. Gift med Berit Simonsdotter. Han brukte 12% spand i 1730. Hengde seg i 1732, og enkja står i Futerekneskapen i 1733. Dei hadde 2 barn som livde i 1732. (Sjå Tingb. IV side 241.)

16. Ola Jakobson brukte 1 pund iy2 spand i 1730/33. Han kunne vel vore son til Jakob Olson Rosland. Var han det, så budde han seinare på Steinsland og var gift med Berit Ljødesdr. Steinsland. — Eller meir truleg var han g. m. dotter til Asbjørn Botolvson. (Sjå Tingb. III side 249 og IV side 89.)

17. Einar Jensson hadde teke over Ola Jakobson sin part i 1742 og 1745. Han var son til Jens Einaron Re. I 1758 var han på Herikstad i Time, men kom seinare til Flåden under Vigrestad. (Sjå der 26.)

18. Halvar Jakobson var son til Jakob Olson Rosland, og truleg bror til 16. Han hadde teke over Omund Larsson sin part, 1234 spand, frå 1742. Død i 1754, skifte

19-7. Gift med Berit Omundsdr. (14), fødd kring 1706, livde som enkje i 1758. Dei hadde 4 barn:

1. Jakob, f. 1738 (sjå Njærheim 79).
2. Ranveig, f. 1742, tente visst på Høyland i 1758.
3. Omund Halvardson, f. 1745, var gjærtargut på Rosland i 1758.
4. Berta Helena, f. 1751, gift med Hans Eliasson (Ueland 40.).

18 B. Jon Ellingson Garpestad er nemnd som brukar av 13 spand i Rimestad i 1732.

19. Jon Jonson hadde teke over Peder Johannesson sin part i 1742. Det har vore vanskeleg å plassera han. I 1738 var han og Simon Jonson Holen trulovarar for Tjøl Vidkunson Haugland og enkja Eli Jonsdr. som var dotter til Jon Simonson Hadland i Gjesdal. — Nå var Simon i Holen bror hennar, det er då truleg at Jon Rimestad og var bror deira. Kanskje var han g. m. enkja etter Peder Johannesson. Jon Ellingson Garpestad hadde gjeve frå seg eit bruk i Rimestad til Jon Jonson i 1742.

20. Håvard Rimestad er nemnd som verge for Elling Johannesson Ytre Salte i 1752. Seinare er han ikkje nemnd.

21. Rasmus Hansson Ødemotland, (sjå Ødemotland 6. 2.) var fødd kring 1716, død før 1787, gift med Berit Gitlestr. Lode f. 1716, død 1785, skifte 24-4. (Lode 26 4.) Rasmus byksla 21 spand i Rimestad av Peder Valentinsen i 1754, og i 1758 fekk han skjøte på 9 spand av Anders Andersson Austrått. 5 barn:

1. Elen, f. 1749, død 1818, ugift.
2. Gitle, f. 1752, budde vist på Salte, men var død før 1785. Gitle var g. m. dotter til Jon Frantsson Salte.
3. Omund Rimestad (26).
4. Ingeborg, f. 1758, død i Stavanger 4-3 1826, g. m. sersjant Erik Olson Bryne.

22. Lars Gitleson Torland (sjå Torland 23). Fødd kring 1723, død 1795, gift 1748 med Borghild Olsdotter, fødd 1713, død 1771, — dotter til Ola Håvardson Re og kona Kirsten Berndsdr., gift 2) med Else Pedersdr. Kvia (Kvia 21. 2.) Lars Gitleson brukte 10y2 spand som Valentinsen åtte, og 2 spand som han sjølv åtte. Han hadde 3 barn i første gifte.

1. Ola Larsson, f. 1750, budde i København.
2. Gitle Larsson, f. 1753, død i Stavanger

1818, gift med Valborg Andersdtr. Eltervåg. Han var dagleigar og kyrkje-tenar i Stavanger.

3. Kirsten Larsdtr., f. 1756. ?

23. **Tore Pederson** var son til Peder Toreson Re og kona Inger Tjærandsdtr. Han hadde butt på Opstad før han kom til Rimestad (sjå Opstad 28). Han hadde teke over Halvar Jakobson sine 12% spand og var der i 1758. Desse 12% spand hadde han byksla av Valentinsen i 1755.

24. **Erik Olson** byksla desse 12% spand etter Tore Pederson kring 1760. Eg har ikkje vorte viss om kvem han var. I 1774 byksla han 9 spand i Ånestad i Varhaug, som Ola Olson hadde brukt, og Ola Olson tok over bruket hans på Rimestad. (Sjå Ånestad 44.)

25. **Ola Olson Ånestad**, (sjå Ånestad i Varhaug 43). Fødd kring 1733, død 2-2 1805. Gift med enkja etter Torsten Einarson Ånestad, Anna Tjærandsdotter. Ola Olson kjøpte 10½ spand i Rimestad av Peder Klow i 1792 for 82 dalar. Desse 10½ eller 11 spand hadde før høyrte til fru Valentinsen, dessutan brukte han 1% spand som Rasmus Rimestad åtte. Truleg var desse Ola Olson sine barn:

1. Marta Olsdtr.?
2. Karen Olsdtr., f. 1767, død 1823, ugift.
3. Torsten Olson Rimestad, fødd 1769, (sjå 31).
4. Berta Olsdtr., f. 1773, g. m. Kristofer Jakobson, (36).
5. Anna Olsdtr., f. 1777, død 1846, ugift. Ho hadde ein son u. e. Tønnes Tønnesson, fødd 15-7 1803, (sjå Søyland 17. 10.).
6. Tjærand Olson, fødd 1781, død 1805, ugift. Truleg har der vore ei Herborg, men ho er ikkje nemnd.

26. **Omund Rasmusson Rimestad**, son til 21., var fødd kring 1754, død 3-10 1835. Gift med Kirsten Olsdotter, fødd kring 1755, død 31-12 1830. Ho skulle vore frå Stokka ved Stavanger, og truleg var det ho som vart døypt i Stavanger 26-10 1755. Faren heitte Ole Stokka og mora Maren Olsdotter. Omund hadde teke over dei 25½ spand etter faren kring 1784. Det var 21 spand som fru Valentinsen åtte og 4½ spand som opstjaren åtte. Han må ha løyst inn dei 21 spand, for i 1793 selde han 6% spand til Erik Olson Bryne for 42 dalar. Erik selde att til Rasmus Karlson Løge i 1795. Ingen av

desse budde på Rimestad, for Omund brukte framleis 19½ spand i 1800, og Sven Olson brukte dei 6% spand. Den 16-11 1781 byksla Omund Rasmusson 10½ spand i Rimestad av Anna Valentinsen Bredahl som ho åtte og andre 2½ spand, i alt 12% spand, som Lars Gitleson hadde brukt, men nå "formedelst alderdom" hadde sagt frå seg. Videre, den 15-6 1785 byksla same Omund Rasmusson av Ole Smith Ploug 21 spand som Rasmus Hanson hadde brukt. Desse 21 spand fekk Omund kjøpa i 1792 for 165 dalar. Seljaren var då Peder Klow. Samstundes kjøpte Tore Toreson 10½ spand av same Peder Klow for 82 dalar. Dette er dagsett 31-6 1792.

Omund Rasmusson hadde 5 barn:

1. Rasmus Omundson Rimestad, f. 1784, (nr. 43).
2. Ola Omundson Rimestad, f. 1787, (nr. 41).
3. Hans Omundson Rimestad, f. 1789, (nr. 42).
4. Omund Omundson Rimestad, f. 1792, (nr. 44).
5. Maria Omundsdr. f. 1794, g. 9-6 1882 med Lars Rasmusson Fjogstad i Klepp.

27. **Tore Toreson**, son til 23., var fødd kring 1752, død 1795, gift med Malena Nilsson Bø, fødd 1758, død 22-10 1823, (Bø 54). Tore byksla 10½ spand av Ole Smith Ploug i 1792 og andre 2% spand som Omund Rasmusson hadde sagt frå seg. I 1792 kjøpte han 10½ spand av Peder Klow, som han selde til Isak Pederson Årestad same året for 82 dalar på vilkår at han og kona skulle bruke same som leiglendingar så lenge dei livde. Isak Pederson måtte ått meir enn dei 10½ spand i Rimestad, for i 1797 byksla han 12% spand i Rimestad til Nils Villasson Lanes. Samstundes selde Nils Villasson 4 spand i Rosseland til Kristen Erikson. Isak Årestad og Nils Villasson budde nok ikkje på Rimestad. Nils Lanes kom seinare til Ueland i Varhaug. Då Tore var død i 1795, gifta enkja seg att med Sven Olson. Tore Toreson og Malena Nilsson hadde 5 barn:

1. Tore Toreson, f. 1784, død 1788.
2. Ingeborg Toresdr., f. 1786, gift 13-6 1819 med Mons Monsson Skretting. (Sjå Skretting i Varhaug 63.)
3. Tore Toreson, f. 1788, død 1790.
4. Guri Toresdr., f. 1791, gift 18-2 1816 med Helge Haugland.
5. Malena Toresdr., f. 1793. Ho hadde ei dotter u. e.: Judithe Nilsson, f. 15-3 1820.

28. **Ola Tollakson Hetland**, son til Tollak Tollakson Hetland i Oгна og Anna Omundsdtr. frå Eikeland Aua. Han var fødd på Topdal 1767, død på Båden under Reime 2-6 1827. Gift 1791 med Anna Størkardsdotter Ånestad, f. 1762. (Ånestad 41. 1.) Ola Tollakson kom frå Ueland i Varhaug i 1799, då han byksla 12% spand i Rimestad av Isak Årestad etter Nils Villasson. (Sjå Ueland 34.) Fute-rekneskapen syner at det var Tore Toreson sitt bruk som Ola Tollakson hadde. Ola var framleis på Rimestad i 1817. Men Isak Årestad hadde alt i 1798 selt dei 10i/2 spand til Tore Tjærandsen Båden, så i røynda var det vel Tore Tjærandsen som åtte storparten av bruket hans Ola Tollakson, endå Isak Årestad står som sigar i 1801. — Ola Tollakson og Anna Størkardsdotter hadde 4 barn:

1. Ane Berte Olsdtr. f. 1792, gift 1) 1821 med Peder Olson (nr. 49).
2. Anna Olsdtr. f. 1796, gift 1) 1824 med Ola Samuelson Næsheim, (Næsheim 66. 4.), gift 2) i Klepp 13-10 1846 med Nils Nilsson Nere Haugland i Time.
3. Tollak Olson, f. på Rimestad 1800, død 1801.
4. Tollak Olson Båden, f. 1802. — (Sjå Reime 36.)

29. **Ingebret Rimestad** døde i 1800 40 år gamal. Noko seinare same året døde fatiglem Marta Gjermundsdotter på Rimestad, 44 år. Dette må plent ha vore Ingebret Nilsson Mauland som 1796 var gift med Marit Gjermundsdotter Tvihaug, fødd 1751, (sjå Tvihaug 21. og Aniksdal i Varhaug 30. 5.).

30. Rasmus **Karlson** Løge kjøpte 6% spand i Rimestad i 1795. Eg veit ikkje om han budde på Rimestad noko tid. Men den 6-11 1797 vart avlyst obligasjon frå Rasmus Karlson Rimestad til Jon Laland for 99 dalar med pant i 6% spand i Rimestad, dateret 12-11 1795. Han selde dei 6% spand til Sven Olson i 1798, og budde på Bryne i 1801, der Erik Olson au budde.

31. **Torsten Olson** var son til Ola Olson (25). Han var f. kr. 1769, d. 1-7 1835, g. 1798 med Guri Simonsdtr. Bjorhaug, f. 1772, d. 29-10 1852. (Bjorhaug 7. 1.) Han hadde teke over dei 12% sp. som faren hadde brukt og åtte alt i 1800. Dei hadde 6 barn:

1. Ola, fødd 1799, flutte til Stavanger i 1833?
2. Sivert, fødd 1801 (nr. 50).

3. Anna, fødd 1803, gift 2-12 1830 med Ådne Pederson Lode (Lode nr. 48).

4. Tjærand (nr. 53).

5. Gabriel, fødd 1809, død 6-6 1816.

6. Gabriel, fødd 29-5 1817, gift i Stavanger 8-12 1842 med Henrikke Luside Mathiasdtr. Holm frå Hjerdal, 29 år. Han var styrmann og budde i Stavanger.

32. Sven Olson, son til Ola Pederson Oma i Time og Kirsten Svensdtr. frå Løge. Han var f. 1764, d. 4-2 1832, gift 1) 12-2 1795. Elen Helena Tolleivsdtr. Fotland, d. 1795. 2) 24-2 1796 med enkja etter Tore Toreson Rimestad, Malena Nilsdtr. Eg hadde meint at Sven tok over bruket etter Tore Toreson, men det var nok ikkje så. Han kjøpte dei 6% spand av Rasmus Karlson (30) i 1798 for 359 rdl. Han fekk 3 born i 2dre gifte:

1. Elen Helena, f. 1798, gift 30-10 1817 med Ola Olson (Torland 49.).
2. Tore Svenson (nr. 45.).
3. Kirsten, f. 19-10 1803, d. 1804.

33. Sjur **Hansson** døydde på Rimestad i 1795, 78 år gamal. Han var fatiglem, og har kanskje vore husmann. Tru om det var han som hadde vore gift med Anna Asbjørnsdtr. Rimestad, stykdatter til nr. 23. Der budde ei annor enkja på Rimestad-heia i 1801, Else Pedersdtr. 65 år. Det er truleg at han var den Sjur Hansson Oma som hadde butt på S-Varhaug og Lerbrek. (Sjå der 13.)

34. **Kristen Kristenson** var husmann på Rimestad-heia i 1801. Han var son til Kristen Mæland i Varhaug, f. kr. 1746, d. på Rimestad 27-3 1818, gift 1796 med enkja etter Sjur Hansson, Anna Asbjørnsdtr., f. kr. 1745, d. 8-12 1815. (Mæland, Varhaug 18 B. 1.)

35. **Mikkel Pederson** var og husmann i 1810 og budde på Rimestad-heia. Det er ikkje heilt visst kvar han var frå, men truleg var han son til Peder Aslakson Njærheim og Ingeborg Mikkelsdtr. Han budde seinare på Høyland og døydde der i 1822. (Sjå Høyland nr. 101.)

36. **Kristofer Jakobson** var frå Stavanger. Han var son til murmeister og dekn Jakob Kristoferson og Berta Olsdtr. Tasted, f. 1764, d. 27-2 1816, gift 1796 med Berta Olsdtr. Rimestad, f. kr. 1773, truleg datter til Ola Olson (nr. 25.). Ola Aurenes meinte ho var datter til Ola Pederson Oma, og syster til Sven Olson (nr. 32.). Dei var gifte i Haa, og tru-

lovarar var Paul N-Tjemsland og Kirsten Erikson Rimestad. Fadrane tyder og på at ho var dotter til Ola Olson. Berre det eldste og dei 2 yngste av barna var fødde på Rimestad. Kristofer, som var bygningssmann, budde i Stavanger og kom ikkje til Rimestad før i 1810. Han budde då som husmann på Rimestad-heia. Dei fekk 9 barn.

1. Ola, f. på Rimestad 1796, d. 1798.
2. Berta, f. 1799, d. 1799.
3. Olina, f. 1800, gift 19-10 1823 med Tolleiv Henrikson Hårr. (Høyland 80.)
4. Jakob Rimestad (nr. 52.).
5. Anna, f. 1804, g. 6-11 1828 med Peder Asbjørnson Næsheim. (Næsheim 108.)
6. Anna, f. 23-3 1806.
7. Bertel, f. 1808, gift med Berta Svensdtr. Dysjaland. (Sjå Dysjaland, Varhaug nr. 37.)
8. Berta Kirstina, f. på Rimestad 28-8 1811, gift med Tov Kittelson Høyland. (Høyland 100.)
9. Kirsten, f. 19-5 1814, flutte til Stavanger 1838.

37. Kristen Erikson var nok son til Erik Larsson Næsheim. (Næsheim 50.) Budde på Rimestad 1796/97, kanskje som husmann. Han var gift med Maren Nilsdtr. Mauland, syster til Ingebret (29.). Så var dei på Holen i Time til kring 1804 og etter den tid på Næsheim.

38. Ola Halvarson var son til Halvar Olson Risa frå Høyland i Time. (Risa 52.) Fødd 1769, gift i Klepp 1-12 1800 med Berta Kirstina Jonsdtr. (Malena?), f. kr. 1767, d. 16-9 1834, dotter til Jon Olson Hodne og Randi Malene Olsdtr. Han budde på Hodne i 1801, men kom til Rimestad ikkje lenge etter. Byksla eit plass, Svertingstad, av Omund Rasmusson og Sven Olson i 1804 og var kalla husmann. 3 barn var fødde, 1 på Hodne og 2 på Rimestad:

1. Halvar, f. 1801, d. 10-8 1827. ugift.
2. Ole Johan, f. 1804, d. 25-8 1823.
3. Elen, f. 30-9 1807, gift 9-12 1830 med Gabriel Toreson Rimestad (nr. 48).

39. Erik Olson Bryne må nok likevel ha butt på Rimestad, for 31-5 1795 er dpt. Erik Olson Rimestad si dtr., Elen Maria, og i 1801 har Erik Bryne ei dtr., Elen Maria 6 år.

40. Tore Tjærandsen Båden (Nærland 19.) (sjå Reime 30.) hadde fenge, skjøte på $10\frac{1}{2}$ sp. i Rimestad av Isak Årestad i 1798 som Ola Tollakson brukte. I 1828

kom Ola Tollakson sin son Tollak til Båden, og Tore Tjærandsen til Rimestad. 5-11 1825 kjøpte Tore Tjærandsen 7 sp. av Ola Omundson for 35 spd.

41. Ola Omundson son til nr. 26, f. 1787, d. 13-7 1867, gift 16-3 1821 med Berta Olsdtr. Nærland, f. 1802, d. 4-5 1880 (Nærland 28.). Han kjøpte 7 sp. av faren 1 1823 for 100 spd. + følge, men alt i 1825 selde han desse 7 sp. til Tore Tjærandsen for 35 spd. — Ola Omundson brukte framleis 6 spand i 1833, og i 1865, 2 år før han døde, er han oppført med ei skuld på 4 ort 17 skilling. Ola Omundson og Berta Rimestad hadde 3 barn:

1. Taletta Olsdtr. f. 1821, gift 11-12 1851 med styrmann Endre Andersson i Stavanger.
2. Kirstine Olsdtr. f. 11-11 1823, gift 30-11 1865 med Jonas Helgeson Tjøtta i Klepp.
3. Ola Olson Rimestad, fødd 16-12 1827 (nr. 56).

42. Hans Omundson, bror til 41, var fødd 1789, død 14-7 1843 ugift. Han kjøpte $9\frac{1}{8}$ spand av faren i 1823 for 200 dalar og selde same til broren Omund i 1828. Av dette brukte Torsten Olson $y4$ spand og 2t4 spand, og Ola Tollakson 2t4 spand. Hans kjøpte så plassen Bekkeheia av Rimestad av brørne Rasmus og Ola i 1823 for 40 dalar.

43. Rasmus Omundson, bror til Ola og Hans, var fødd 1784, død 8-3 1860. Gift 2-4 1823 med Rakel Ingebretsdtr. Njærheim, f. 1801, d. 23-2 1884 (Njærheim 90.). Rasmus kjøpte 7 spand av faren i 1823 for 100 dalar. I 1823 selde han 6 spand av dette til Tjøl Erikson Obrestad for 50 dalar, og 1 spand til Tjærand Toreson Rimestad i 1830 for 3 dalar 60 skilling. Når me ser korleis desse brørne selde bort gardane sine til framande og framleis vart buande på dei, så må me tru dei har sete som bykslemenn. Rasmus og Rakel Rimestad hadde 6 barn:

1. Omund Rimestad f. 22-3 1824 (nr. 51).
2. Berta Kirstina Rasmusdtr. f. 28-3 1831, gift med Ola Monsson Skretting?
3. Anna Rasmusdtr. f. 9-6 1828, gift som enkja i 1852 med Kristian Gunnarson Hadland i Ognå. Budde visst i Stavanger.
4. Ola Rasmusson Rimestad fødd 11-12 1833, g. 3-11 1864 med Serina Johanna Hansdtr. Vigre. (Vigre 40.) Han var sjømann. Ola døde i Stavanger 30-12 1921.

5. Ingeborg Maria Rasmusdtr. fødd 23-9 1837, gift i Stavanger 25-13 1859 med brygger Ola Pederson Skjæveland frå Strand.
6. Rasmus Rasmusson f. 13-6 1844, gift i Stavanger 9-5 1867 med Anna Helena Hansdtr. Vigre. — Reist til Amerika. (Vigre 40. 1.)

44. Omund Omundson bror til dei 4 ovanfor. Han var f. i 1792, d. 28-1 1846, gift 19-3 1829 med Berta Eriksdtr. Lode, f. 1801, d. 18-8 1875. (Lode 39. 2.) Han kjøpte 9A sp. av broren Hans i 1828 med følge. Etter Omund var død sat enkja med bruket mange år. Dei fekk 6 barn.

1. Elen Kirstine f. 19-11 1829, gift 22-11 1866 med Halvard Gabrielson Rimestad (nr. 57).
2. Omund f. 24-6 1831, gift med Dorthe Kristine Svensdtr. Stokkeland i Ogna. (Budde på Høyland (120.) og Njærheim.)
3. Erik f. 17-11 1833, død ugift.
4. Mathias Rimestad (nr. 59)
5. Berta Maria f. 3-8 1839, død ugift.
6. Hans f. 20-6 1844. (Sjå Njærheim 114.) (Rimestad nr. 66.)

45. **Tore Svenson** son til nr. 32. Fødd 1800, død 3-7 1861, gift 7-11 1822 med Berta Kirstine Taraldsdtr. Torland, f. 1799, d. 7-11 1862, (Torland nr. 46). Han kjøpte dei 6% sp. av faren i 1822 for 60 spd. + følge. Dei fekk 9 barn:

1. Kirsten Malena f. 14-8 1823, gift 15-12 1887 med enkjemann Rasmus Gitleson Njærheim.
2. Ingeborg Berte f. 1825, gift 2-4 1857 med Sven Tjæranson Rimestad (nr. 55).
3. Sven f. 15-12 1826, d. 16-2 1857, ugift.
4. Tarald f. 28-7 1831, gift 29-5 1870 med Olina Jonsdtr. Rugland. (Rugland 20. 6.) Budde i Stavanger.
5. Kristian f. 5-3 1837, d. 2-12 1862, ugift.
6. Elen Helena f. 18-5 1840, gift 13-4 1871 med Ola Olson Salte. (Sjå Høyland 138.)
7. Anna Kirstine f. 4-4 1843, d. 11-8 1843.
8. Jonas f. 28-6 1848, gift med Sikke Holen. Reist til Amerika.
9. Tønnes (nr. 58).

46. Bendiks Gregoriusson Odland. (Sjå Odland i Varhaug 37. 5.) Han var f. 1789, d. 2-7 1850. Gift 20-11 1823 med Berta Malena Pedersdotter Rongen, f. 1798, d. 2-11 1878. (Sjå Djøseland i Varhaug 25. 3.) Bendiks var husmann på Tjærands-

holen under bnr. 9. Dei hadde visst 9 barn:

1. Gabriel Bendikson f. 25-4 1824.
2. Peder Bendikson f. 9-10 1826. Det var treleg han som var hjå Torsten Tobias Rimestad i 1900, f. 1826 og var kalla snekkar.
3. Asseliana Bendiksdtr. f. 28-4 1830, d. 20-8 same året.
4. Bendiks Bendikson, f. 10-10 1831, gift i Sola 21-3 1861 med Anna Taletta Gundersdtr. f. i Feda, 32 år gamal.
5. Anna Malena Bendiksdtr. f. 17-12 1836, gift i Klepp 2-7 1864 med Peder Olson Borsheim.
6. Ola Bendiksson f. 23-6 1840?
7. Peder Bendiksson f. 29-8 1843, gift i Stavanger 12-4 1866 med Gunvor Tollaksdtr.? 24 år gamal. Han var skomakar i Stavanger.

47. Tjærand Toreson, son til nr. 40, var fødd på Høyland 1798, død ?. Gift 11-3 1829 med Ane Berte Svendsdotter Auestad i Varhaug, f. 1799, d. 18-10 1861. (Auestad 27. 4.) Tjærand tok over bruket av faren, 10y2 spand, i 1829 for 50 dalar og byksla andre 1*4 spand. Dei fekk 4 barn:

1. Anna Tjærandsdtr. f. 13-2 1830, gift 7-6 1862 med Kjell Jonson Rosland. Budde på Skjæveland i Høyland.
2. Tore Tjæranson, f. 9-7 1832, død på Rugland i Varhaug 10-12 1907, ugift. (Galne-Tore.)
3. Sven Tjæranson Rimestad, f. 2-3 1835 (nr. 55).
4. Tjærand Tjæranson f. 20-6 1838, gift i Stavanger 21-11 1869 med enkja Elisabet Omundsdtr. Lund, 45 år, dotter til Omund Asbjørnson. Tjærand var reipslagar i Stavanger.

48. Gabriel Toreson, son til 40. og bror til 47., var fødd på Båden 15-11 1805, d. 15-8 1854. — Gift 9-12 1830 med Elen Olsdotter Rimestad (38. 3.), f. 30-9 1807, d. 10-9 1897. Gabriel tok over 6 spand av faren i 1830 for 30 dalar. I 1835 byksla han plassen Svertingstad av Tjøl Obrestad, Omund Omundson og Ola Omundson Rimestad. Han hadde bnr. 2 og 3. Dei fekk 5 barn:

1. Halvard Gabrielson Rimestad f. 15-10 1831 (nr. 57).
2. Ola Gabrielson Høyland f. 1-5 1835. (Sjå Høyland 123.)
3. Tønnes Gabrielson f. 9-11 1838, gift 6-4 1865 med Dorthea Maria Olsdtr. Stangeland. Budde på Lunde og Stangeland i Høyland.

4. Abraham Gabrielson f. 17-3 1843. (Sjå Njærheim 126.)
5. Ole Johannes Gabrielson f. 16-4 1848?
49. **Peder Olson Ueland**, (sjå Ueland i Varhaug 35. 7.) var fødd 1795, død 22-1 1883. — Gift 22-3 1821 med Ane Berte Olsdotter Rimestad (28. 1.) f. 1792, d. ? Peder Olson var husmann på Rimestad-Heio. Dei hadde 4 barn:
1. Ole Andreas Pederson Høyland f. 26-9 1824. (Høyland 128.)
 2. Anna Gurina Pedersdtr. f. 9-6 1829, død på Løgesteinen 10-7 1909, ugift.
 3. Gabriel Pederson, f. 8-4 1826?
 4. Ola Pederson Høyland, f. 27-1 1822. (Sjå Høyland 117.)
50. **Sivert Torstenson**, son til 31., var fødd i 1801, død på Høyland 23-4 1875. Gift 1825 med Barbro Eriksdotter Lode, fødd 5-7 1804, død 15-10 1862. (Lode 39. 3.) Dei budde ei stutt tid på Rimestad, sidan visst på Kjelsholen av Salte, men døde begge på Bekkeheia på Høyland. Dei hadde 5 barn:
1. Guri Sivertsdtr. f. på Rimestad 3-2 1827, gift i Stavanger 23-5 1851 med Tore Toreson Kartevoll. Ho hadde ein son u. e. Torkel Tobias Torkelson, f. 13-10 1846.
 2. Erik Sivertson f. på Salte 17-9 1829, død 3-5 1830.
 3. Ingeborg Malena Sivertsdtr. f. 22-9 1832, gift 29-11 1855 med Lars Halvorson Ohme frå Flekkefjord i Stavanger.
 4. Taletta Sivertsdtr. f. 29-5 1838, gift 20-3 1863 med Mikal Pederson Bekkeheien. (Sjå Høyland 122.)
 5. Olina Sivertsdtr. f. 10-10 1841.
51. **Omund Rasmusson Rimestad**, son til 43., var fødd 22-3 1824, død på Bryne 31-7 1900. Gift 18-7 1851 med Malena Eriksdotter Lode, fødd 9-5 1810, død 15-11 1891. (Lode 39. 6.) Gift 2) i Time 26-1 1895 med enkja Anna Maria Rasmusdtr. Risa, fødd i Stavanger 1856. Ho var enkja etter Ola Sigbjørnson Risa. (Sjå Risa 71. 5.) Omund fekk skjøte på 6 sp. av Tjøl Obrestad i 1852 for 84 dalar. — Dette var den parten faren, Rasmus Omundson selde til Tjøl Obrestad i 1823. Omund Rasmusson hadde visst ikkje barn.
52. **Jakob Kristoferson**, son til 36., var fødd i Stavanger i 1803, død på Re (Kolheia) 12-9 1900. Gift 18-11 1827 med Berta Kristina Gunnarsdotter Vigrestad, fødd 16-1 1806, død 2-12 1829 (Vigrestad 29. 6.). Gift 2) 22-3 1835 med Ingeborg Aslaksdotter Torland (Ingeborg Aslaksdotter død 19-6 1869), fødd 1785 (sjå Torland 44). Jakob var husmann på Kongaheio. Han hadde 2 barn i første gifte:
1. Berta Kirstina Jakobsdotter, f. 26-11 1827, d. 30-3 1842.
 2. Gunnar Jakobson, f. 2-12 1829, g. 7-7 1857 med Johanna Margreta Svendsdotter Stokkeland i Ogna, fødd 22-12 1832. Budde på Kolheia under Re i Time. Gunnar gift 2) 27-5 1884 med Johanna Johannesdotter Rosland, f. 1838.
53. **Tjærand Torstenson**, son til 31., fødd 2-11 1805, død 24-3 1887, gift 24-11 1833 med Anna Tønnesdtr. Søyland, fødd 3-3 1807, død 10-2 1893. (Søyland 17.) Han hadde teke over faren sine 12% spand og hadde byksla 2y4 spand av Mathias Omundson. — Tjærand og Anna fekk 4 barn:
1. Ola f. 4-7 1833, d. på Rimestad 22-2 1919, ugift.
 2. Grete Guria f. 27-3 1839 (eller 13-6 1834), gift 3-4 1862 med Peder Mons-son Bjorland. (Bjorland 22.)
 3. Akseliana f. 25-1 1842, gift 23-11 1882 med Jon Erikson Haugland, enkjem. etter Maren Elisabet Gitlesdtr. Torland.
 4. Torsten Tobias Rimestad (nr. 61).
54. **Ola Ingebretson** var son til Ingebret Rasmusson Njærheim (90.) og Anna Andersdtr. frå Årestad i Time. Han var f. 21-1 1808, d. ?, gift med Marta Serina Simonsdtr. f. (1809?), d. ?. Dotter til Simon Simonson Auglend i Time og Marta Hansdtr. frå Risa. Ola var husmann på Skarabakken i 1865 og i 1875, men i 1886 er han ikkje nemnd. Dei må seinare vera bortreiste, for det syner ikkje at dei døde i Haa. Dei hadde butt på Høyland før dei kom til Rimestad, og eit barn var født der. Dei hadde visst 7 barn, men dei 2 eldste finst ikkje i kyrkjeboka:
1. Ola?
 2. Anna Sofia f. 14-1 1842, (ikkje i kyrkjeboka) gift i Stavanger 11-10 1874 med Kristian Rasmusson Risa. (Risa 69. 5.)
 3. Sille Maria f. på Høyland 25-11 1844, gift i Klepp 9-4 1872 med Joakim Kristianson Horpestad.
 4. Ingebret f. 30-3 1847, d. i Stavanger 15-11 1924, gift i Stavanger 3-11 1873 med Berta Larsdtr. Reime. Han var skomakar i Stavanger. (Reime 39. 1.)

5. Berta f. 30-1 1850, gift 30-4 1877 med Enok Ivarson S-Braut. Dei var syskendbarn.
6. Severine f. 28-8 1852, gift 16-4 1874 med Ivar Olai Larsson Kleppe.
7. Rasmus f. 17-6 1855?

55. **Sven Tjærandsen Rimestad**, (47. 3.) fødd 2-3 1835, død i Montana 23-? 1906. Han er gravlagd ute på prærien nær Wibaux, Mont. og nedskrivaren av dette har sett grava hans der. Han var sauegjætar på dei kantar. Han var gift 2-4 1857 med Ingeborg Berte Toresdotter, (Rimestad 45. 2.) f. 1825, d. i Minneapolis Minn. 1897. — Sven Tjærandsen kjøpte 12% spand av faren i 1856 for 100 dalar pluss følge. I 1872 selde han til Ivar Larsson Braut og reiste til Amerika med heile huslyden. Sven og Ingeborg Berte fekk 6 barn på Rimestad og 1 i Amerika:

1. Theodor Rimestad f. 28-4 1858, d. i Minneapolis 20-2 1920, ugift. Han studerte teologi og var seinare professor og instruktør i musikk ved Augsburg College i Minneapolis. — I tida kring 1900 var han saueigar i Montana, nær Wibaux.
2. Anna Rimestad f. 13-2 1860, gift med George Arnstad i Glendive, Montana.
3. Tønnes Rimestad f. 7-5 1862, d. i S. Dakota 1882, ugift. Han hadde sauefarm.
4. Berte Karlotte Rimestad, f. 15-9 1864, d. i Minneapolis 1892, ugift.
5. Kristian Rimestad f. 26-6 1867, gift med Mary Amanda Doran. Han var lækjar i Brainerd, Minnesota.
6. Sven Rimestad f. 1-10 1870, d. i Minneapolis 1902, gift med Olive Sardeson. Han var dentist.
7. Ingvald Georg Rimestad, fødd i Iowa 30-11 1876, gift med Ovila Madland, truleg ætta frå Gjesdal. Han var fullmektig i eit eller anna embete i Minneapolis. Dei omkom begge ved ei trafikulukka i St. Paul i 1951.

56. **Ola Olson Rimestad**, (41. 3.) f. 16-12 1827, d. 8-2 1907. Gift 18-11 1858 med Elisabet Olsdr. (Skjærpe 24. 3.), f. 6-8 1831, d. 9-10 1914. Ola kjøpte 6 spand av enkja etter Gabriel Toreson i 1863 for 200 dalar, bnr. 4, som Ola Omundson hadde brukt. Dei hadde vist berre 2 barn:

1. Ingeborg f. 26-3 1860, gift med Abraham Jonson (72.).
2. Berte Olette f. 28-2 1870, gift med Tobias Svenson (62.).

57. **Halvard Gabrielson** (48. 1.) f. 15-10

1831, d. 29-3 1899. Gift 22-11 1866 med Elen Kirstine Omundsdr. (Rimestad 44. 1.), f. 19-11 1829, d. 9-6 1900. Halvard kjøpte Heio av Sven Tjærandsen i 1862 for 8 dalar og følge til husmannen Peder Olson og kona Ane Berte. I 1865 kjøpte han den parten av Heio som mor hans åtte og Tønnes Toreson sin part av Heio og ein part som Mathias Omundson åtte, for ein samla sum av 50 spesidalar. Dette siste som var på 2y2 spand, selde han til Torsten Tobias Tjærandsen i 1889 for 400 kroner. I matrikkelen for 1886 står han oppført med 3 parter, bnr. 2 og 3 og det som seinare vart brn. 10. Halvar hadde visst berre ein son:

1. Ole Gabriel Halvarson f. 13-12 1871, d. 1873. — Hans Omundson Rimestad, Njærheim kjøpte dette bruket, og selde att til Søren Svenson i 1903.

58. **Tønnes Toreson**, son til 45. Fødd 5-2 1833, død 28-4 1910, gift i Klepp 22-5 1866 med Ingeborg Maria Olsdotter Rosland, fødd 12-2 1843, død ?. — Dotter til Ola Olson Re på Rosland. Tønnes kjøpte 6% spand av faren i 1861 for 100 spesidalar og følge. Dei fekk 6 barn:

1. Berta Kirstina f. 11-5 1869, d. 16-9 1878.
2. Theodor f. 11-10 1871, d. 11-5 1901, ugift.
3. Ingeborg f. 28-9 1875, gift 15-4 1898 med Nils Hansson Njærheim. (Njærheim 137.)
4. Kirsten f. 29-9 1878, g. 8-12 1899 med Malmfred Pederson Eike, Oltesvik.
5. Ole-Johan Rimestad f. 16-7 1881 (69.).
6. Sofia f. 27-2 1884, gift i Montana (3-11 1907) m. Trygve T. Kvia. (Kvia 57. 4.)

59. **Mathias Omundson**, son til 44. Fødd 10-10 1836, død på Nærbø stasjon 16-5 1931. Gift i Time 17-11 1870 med Kirstine Jonsdotter Line, fødd 2-5 1841, død 3-4 1907. Mathias kjøpte bnr. 1 av mora i 1875 for 200 spesidalar, og dessutan 2y2 spand av bnr. 5, truleg det som Torsten Tobias kjøpte av Halvar Gabrielson i 1889. 2 barn:

1. Omund f. 16-12 1871, d. 29-7 1918, gift med Dorthea Omundsdr. Høyland f. 1866, død 3-9 1939. (Høyland 120. 4.)
2. Jon f. 29-9 1882, d. 16-2 1962, ugift.

60. **Ivar Larsson** var son til Lars Larsson Braut og Margreta Toresdr. frå Arre. Han var f. 23-7 1838, d. 22-5 1898, gift i Time 11-4 1867 med Anne Sofie Sørensdtr. Vestly, f. 9-11 1841, d. 18-8 1917, dotter til Søren Sørensen Vestly og Gjertrud

Kristofersdtr. frå Åsland. — Ivar kjøpte bnr. 9 av Sven Tjærandsen i 1872 for 750 spdl. + følge til Tjærand Toreson. — I 1878 fekk han skjøte av Mathias Omundson på y^4 sp. som Omund Omundson hadde heimla av Hans Omundson i 1828. Ivar hadde butt på Vestlylør han kom til Rimestad, og dei 2 eldste barna var fødde der. På Rimestad fekk dei 5 barn:

1. Lars, f. på Vestly 8-12 1867 (nr. 65).
2. Søren, f. 8-8 1870, gift 28-11 1895 med Inger Gedine Tjærandsdtr. Høyland, (Høyland 124. 4) reist til Amerika.
3. Gabriel, f. 11-4 1873, d. 19-3 1883.
4. Ivar, f. 15-10 1875, gift i Amerika 15-3 1899 med Sissel Marie Klausen frå Danmark. — Farmar i N-Dakota, seinare bankmann.
5. Margreta, f. 2-6 1878, d. 17-5 1879.
6. Martin, f. 28-9 1881, gift 13-6 1914 med Sanna Lindesetvik frå Ørskog. Han har butt i N-Dakota.
7. Gabriel, f. 9-1 1885, gift 1-4 1911 med Ingeborg Jonsdtr. Hognestad, f. 31-5 1886. Bur i N-Dakota.

61. Torsten Tobias Tjærandsen, son til nr. 53, f. 8-11 1847, d. 18-3 1908, gift 30-3 1882 med Rakel Serina Tønnesdtr. Garborg, f. 13-6 1857, d. 20-9 1936, dotter til Tønnes Svenson Garborg og Anna Olsdtr. Torsten Tobias tok over bnr. 7 av skyld 3 mark og 31 øre etter faren i 1882. I 1889 kjøpte han $2y^4$ spand av Mathias Omundson, som høyrde under bnr. 5, truleg noko av Kongaheiå. Dei fekk 5 barn:

1. Tjærand, f. 5-4 1883 (nr. 76).
2. Tønnes, f. 20-9 1884, d. 1885.
3. Tønnes, f. 25-3 1886 (nr. 77).
4. Anna, f. 9-3 1890.
5. Agnes Bergitte, f. 6-11 1894.
6. Signe Teresia, f. 12-12 1898, gift 28-5 1938 med Godtfred Sønsteberg frå Krøts, f. 29-5 1897, elektriker.

62. Sven Torkelson Høyland (sjå Høyland 104. 2.) var f. 1-8 1850, d. på Skjærpe 10-6 1926, gift 21-3 1872 med Elen Ellingsdtr. Rugland, f. i Varhaug 26-8 1850, d. på Skjærpe 24-12 1913, dotter til Elling Jonson Rugland og kona Ingeborg Gurine Asbjørnsdtr. (Sjå Høyland 142. 1.) Sven hadde butt på Høyland før han kom til Rimestad, og 4 av barna var fødde der. I 1878 kjøpte han Kongaheiå av Tjærand Torstenson. — Seinare står det at han kjøpte Rimestadheiå av Tjærand i 1883 for 720 kroner. Han har vel fenge skjøte då. Det var bnr. 8, av skyld 50 øre. Truleg

var det Jakob Kristoferson som hadde brukt dette plassen før. Jakob budde der i 1875, og då er Sven Torkelson oppførd som tenar hjå han, mot at han fekk ein part av grøda. — I 1899 flytte han til Skjærpe, og Gustine Skretting budde på Kongaheiå i 1900 (sjå Skjærpe 38.). — Sven Høyland var baneformann. Dei fekk 11 barn:

1. Tobias Høyland, f. 29-12 1871, gift 9-3 1894 med Berta Olette Olsdtr. Rimestad, f. 28-2 1870 (56. 2.). Han var ved jernbanen, stasjonsmeister på Hinna.
2. Ingeborg Gurine, f. 14-6 1875, gift med Sivert Vigre. (Vigre 60.)
3. Eilert, f. 25-5 1877, d. 13-6 s. å.
4. Eilert, f. 29-5 1878, d. s. å.
5. Severine, f. 13-4 1880, g. 22-2 1907 med Sigvard Henrik Boganes.
6. Elen, f. 8-1 1882, gift med Gustav Løvik. I Amerika.
7. Elisa, f. 17-5 1886, gift 8-8 1908 med Jakob Johnsen, bokkar i Stavanger, f. Buøy 1886.
8. Jonas Skjærpe, f. på Sandnes 12-2 1888. Gift i Montana. Død.
9. Sven Høyland, fødd 15-4 1891, død i Amerika 15-10 1919, ugift.
10. Sofia Høyland, f. 26-2 1884. Bur på Skjærpe.
11. Gina Høyland, f. 30-8 1894. Bur på Skjærpe.

63. Lars Løge var komen på bnr. 5 i 1892. — I futerekneskapen står Lars Larsson Løge, men eg har lurt på om det kunne vore Lars Svenson som var på Njærheim frå 1884 til 1890. (Njærheim 130.) — Omund Rasmusson hadde fenge skjøte på denne parten frå Tjøl Obrestad i 1852 og budde der framleis i 1886. Kanskje hadde Lars kjøpt av han. I Lars si tid vart 26 øre teke frå dette bruket og saman med 13 øre frå bnr. 6 laga bnr. 10, Heien, som Halvard Gabrielson hadde brukt og brukte i 1896 (sjå 57.). Lars Løge var ikkje lenge på Rimestad.

64. Nils Pederson Høyland (sjå Høyland 127. 2.) f. 14-4 1866, d. 21-4 1957, gift 9-5 1893 med Ingeborg Tomine Gabrielsdtr. Lode, f. 7-10 1870, d. 14-4 1966. (Lode 56. 3.) Nils kjøpte bnr. 5, truleg av Lars Løge, i 1894. Han var bygningsmann. Dei fekk 4 barn:

1. Gabriel Rimestad, f. 4-9 1893, gift 1936 med Tilde Maria Tollefsdotter Ueland, (Ueland 79. 8.) f. i Varhaug 23-3 1907. Bur på bnr. 5.
2. Peder Rimestad, f. 26-3 1895, d. 6-9

- 1967, gift 1923 med Maia Olsdtr. Haugland, f. 15-9 1897. Bur på Berget av Bryne. Bygningsmann.
3. Rakel, f. 1-12 1896, gift 5-7 1925 med Torger G. Nærland, f. 31-3 1900 (Næsheim 113. 1.). Bur på Øgard i Orre.
 4. Inger, f. 18-3 1907, gift m. Ola Byrkje-land. Bur på Stord.
65. Lars Ivarson, son til 60., f. på Vestly i Time 8-12 1867, d. 22-4 1933, gift 29-3 1896 med Olina Enoksdtr. Ølbør, f. i Håland 6-1 1878, dotter til Enok Jonson Ølbør og kona Maren Tønnesdtr. frå Orre. Han tok over bnr. 9 etter faren i 1897. Dei fekk 4 bam:
1. Anna Sofia, f. 29-6 1897?
 2. Maren, f. 14-7 1899, gift 17-4 1930 med Bertel Andreasson Erga, f. 2-9 1888. Bur på Erga i Klepp.
 3. Ivar Larsson Rimestad, f. 25-9 1906, gift med Maria Nærland Torland, f. 18-7 1910. (Torland 81. 4.)
 4. Einar Rimestad, f. 23-8 1909, gift 4-4 1936 med Selina G. Håland, f. i Varhaug 9-5 1906. Bur på Hårr i Varhaug.
66. Hans Omundson Rimestad (sjå Njærheim 114.) kjøpte bnr. 2-3-10 i 1896 av Halvard Gabrielson. I manntallet for 1900 er både Hans og kona og 2 døtre, Hanna Kirstine og Olina, oppførde på Rimestad. Men ikkje lenge etter selde han til Søren Svenson.
67. Søren Bertinius Svenson (sjå Høyland 162.) var komen til Rimestad før 1906, visst nok i 1903, då han kjøpte bnr. 2-3-10 av Hans Omundson.
68. Gustina Napoleonsdtr. Skretting — enkja etter Sven Andersson Skretting i Varhaug, og dotter til Napoleon Pederson Njølstad, Ho brukte Heien (Kongaheia) i 1900, truleg etter Sven Torkelson.
69. Eilert Pederson Søyland (sjå Høyland 151. 2.) f. 30-1 1878, d. 29-1 1913, gift med Berta Kristofersdtr. Helvig, f. 15-6 1884. — Eilert kom til Kongaheia etter Gustina Skretting. Dei fekk 3 barn:
1. Margit, f. 8-12 1902.
 2. Marta, f. 12-7 1906.
 3. Peder, f. 8-7 1908.
- Då Eilert var død selde enkja til Laurits P. Håland (73.).
70. Ole Johan Tønnesson, son til 58., f. 16-7 1881, d. 28-9 1949, gift med Eline Salte, f. 14-3 1882, d. 7-8 1965, dotter til Johan Garman Gabrielson Salte og Elin Justina Svensdtr. Grødeland. Han tok over bnr. 6 etter faren. Dei fekk 4 barn:
1. Tønnes Rimestad, f. 7-1 1907, gift 4-5 1935 med Ida Valdeland, f. 24-12 1913 (sjå Høyland 158. 11.). Bur på Rimestad.
 2. Ida Rimestad, f. 1-8 1909, gift 9-11 1929 med Hjalmar Sirevåg, f. 29-12 1906. Fisker, bur på Nærbø.
 3. Johan Rimestad, f. 6-11 1911, gift 1937 med Astrid Tønnesdtr. Hauge i Klepp, f. 2-10 1914. Bur på Rimestad.
 4. Elfrid Rimestad, f. 11-10 1914, gift 31-8 1931 med Svein Lode, f. 16-11 1910. (Lode 82. 3.) Bur på Hårr i Varhaug.
71. Abraham Jonson Salte, son til Jon Abrahamson Salte og kona Elen Olsdtr. Spogarhodl, (Sjå Bø 102. 2.). Faren Jon Abrahamson under store Salte, var son til Abraham Rasmusson Salte og kona Berta Jonsdtr., f. Refsnes, (Refsnes 4. 5.). Abraham Jonson var fødd 28-7 1879, død 16-10 1959. Gift 1-2 1908 med Ingeborg Olsdotter Rimestad, f. 26-3 1860, d. ? (56. 1.). Han tok over bnr. 4 etter Ola Olson i 1908. Dei fekk ikkje barn, og Ingeborg sin søsterson, Trygve Høyland, tok over bruket (84.).
72. Omund Mathiasson Rimestad, son til 59., var fødd 16-12 1781, død 29-7 1918. — Gift 9-12 1898 med Dorthea Malena Omundsdatter Høyland, f. 27-8 1867, d. ? (sjå Høyland 120. 4.). Omund tok over bnr. 1 etter faren. Då han var død, kjøpte farbroren, Hans Njærheim, bruket som han selde til Enevald Reime i 1924. — Omund og Dorthea fekk ei dotter: Kirsten Omundsdr., f. 14-9 1899, d. 2-6 1910.
73. Laurits Pederson Håland, (sjå Håland, Varhaug 75. 9.) fødd 25-4 1889, død 7-4 1960. Gift 16-10 1908 med Pauline Mikalsdotter, fødd i Varhaug 2-11 1883, død ? . — Dotter til Mikal Gunnarson Skretting og Malena Abrahamsdtr., f. Tvihaug. Laurits Håland kjøpte bnr. 8, Kongaheia av enkja Berta Kristofersdtr. (69.) Seinare flytte han til Høyland, og brorsonen, Rasmus Olson Håland, tok over bruket på Kongaheia. Laurits og Pauline Håland sine barn var:
1. Per Håland, f. 1-12 1911 i Varhaug, gift med Berta Eilefsdtr. (Rugland 47. 1.)
 2. Lars Håland, f. i Varhaug 3-8 1913, gift 2-7 1932 med Klara Torgersdtr. Grødem, f. i Randaberg 19-2 1913.
 3. Malena Håland, f. i Nærbø 13-11 1914,

- gift 22-4 1939 med Sigurd Toralf Efteland, f. i Bjerkreim 20-12 1912.
4. Magda Håland, f. i Nærbø 11-8 1917, gift 22-2 1941 med Sigvard Efteland, f. i Bjerkreim 22-9 1903.
 5. Arne Håland, f. 11-11 1920, gift med Ingeborg Kolnes — frå Sola.
74. **Severin Rimestad**, son til 67., fødd 5-9 1889. Gift 4-3 1916 med Teresia Bjorland, fødd 12-5 1896. (Bjorland 29 .1.) Severin Rimestad tok over bnr. 2, 3, 10, 12 etter faren i 1924. Dei har hatt 12 barn:
1. Søren Rimestad, f. 25-5 1917.
 2. Børge Rimestad, f. 2-9 1918 (1919?), g. i Time 1940 med Borghild Steinsland, f. 8-4 1919. Bur på Steinsland.
 3. Elen Olina Rimestad, f. 25-12 1920, (gift 1945 med Ola Mellemstrand, Njærheim 158.).
 4. Gudrun Rimestad, f. 9-4 1924, (gift 13-7 1946 med Kjell Steinsland, Ålgård?)
 5. Stein Rimestad, f. 5-5 1925.
 6. Ragnvald Rimestad, f. 12-2 1928.
 7. Taletta Rimestad, f. 17-3 1929, (gift 9-9 1950 med smed Erling Skåland, Klepp?)
 8. Gabriel Rimestad, f. 7-10 1931, (gift 1-9 1962 med Tordis Håland, f. 16-2 1937?). (Store Håland 41. 2.)
 9. Else Rimestad, f. 25-5 1934, (gift 1955 med snekker Ingebret Heigre?).
 10. Astrid Rimestad, f. 5-8 1935, (gift 1957 med bygningsmann Gunnar Jakobsen, Nærbø?).
 11. Harald Rimestad, f. 25-8 1936, gift 1966 med Ingvor Gimre, Sola.
 12. Bjørg Rimestad, f. 25-4 1938,
75. **Søren Bertinius Rimestad** d. y., bror til 74., fødd 18-9 1892, død 25-10 1937. Gift i Oгна (1919?) med Kirsten Hadland, fødd i Oгна 1901, dotter til Jonas Jonasson Hadland i Oгна, f. Hetland, og kona Elen Maria Pedersdr., f. Rørmyr i Varhaug. Etter Søren Bertinius vart ho gift med Peder Nikolai Tjemsland, (Nor Tjemsland, Varhaug). Søren Bertinius d. y. brukte bnr. 11, (seinare bnr. 1?).
- Barn:
1. Sverre Rimestad, f. 3-11 1919, d. 16-1 1942.
 2. Jon Rimestad, f. 7-12 1920, reist til Amerika.
 3. Rakel Olina Rimestad, f. 19-10 1922, gift 1942 med Gerhardt Tveit (sjå 83.).
 4. Maria Rimestad, gift 6-6 1942 med Andreas Arntson Salte.
 5. Berly Rimestad.
76. **Tjærand T. T. Rimestad**, son til 61., fødd 5-4 1883. Gift 1923 med Margreta Haugland, fødd i Time 17-11 1891, dotter til Henrik Jonson Haugland i Time og Johanna Margreta Larsdr. — Tjærand Rimestad tok over bnr. 7 og 13 etter faren i 1920. Barn:
1. Ruth Serina Rimestad, f. 23-12 1924, gift 1949 med Henning Mjåtveit (86.).
 2. Torsten Tobias Rimestad, f. 5-9 1926, g. 1964 med Hanna Aanestad (117. 5.).
 3. Johanna Margreta Rimestad, f. 14-7 1929, gift 1967 med Per Møller, Oslo.
 4. Helga Rimestad, f. 7-9 1934, gift 17-8 1957 med Arvid O. Gudmestad (66. 2.).
77. **Tønnes T. T. Rimestad**, bror til 76., fødd 25-3 1886. Er ugift. Tønnes T. T. Rimestad tok over og brukte ein part av farsgarden, bnr. 16 Storhaug. I 1954 tok Henning Mjåtveit over denne parten, (sjå nr. 86).
78. **Enevald Reime**, (sjå Ødemotland 18. 6.) fødd 21-8 1899. — Gift 4-4 1924 med Ingrid Njærheim, fødd 18-1 1900. (Sjå Njærheim under 114. 6.) Enevald Reime er bygningsmann. I 1924 tok han over bnr. 1 på Rimestad av kona sin morfar, Hans O. Rimestad, Njærheim, som denne hadde kjøpt av broren Mathias Omundson eller brorsonen, Omund Mathiasson si dødsbu (sjå nr. 59 og 72). Enevald og Ingrid Reime har 10 barn:
1. Marit Reime, f. 16-6 1924, gift 1958 med Ola Njå, Time.
 2. Jens Reime, f. 15-6 1925.
 3. Hans Reime, f. 18-5 1929 (sjå Refsnes 14.).
 4. Else Reime, f. 31-7 1931, gift 1956 med Walther Ødegård, Vigrestad.
 5. Målfrid Reime, f. 16-2 1933, gift 1958 med Torleif Berge.
 6. Ingfrid Reime, f. 4-4 1935, gift 1960 med Nils Nærland, Øgard, Klepp.
 7. Einar Reime, f. 20-4 1937, gift 1961 med Rutt Rype, Lier.
 8. Jostein Magne Reime, f. 14-9 1941, gift 6-3 1965 med Snefrid Egeland.
 9. Bjørg Reime, f. 3-11 1945.
 10. Tor Reime, f. 21-1 1952.
79. **Gabriel Rimestad**, son til 64. fødd 4-9 1893. Gift 1936 med Tilde Maria Ueland, fødd i Varhaug 23-3 1907 (sjå Ueland 79. 8.). Gabriel tok over bnr. 5 etter faren i 1937. Barn:
1. Torfrid Rimestad, f. 16-1 1938. Gift i 1960 med Stanley Ødegård, f. 4-11 1935 (frå Ødegård i Varhaug). — Dei overtok bruket i 1964. 3 barn: Tonny, f. 3-6 1963.

Jorunn, f. 13-3 1965.

Marita, f. 15-1 1967.

2. Agda Rimestad, f. 9-6 1940, gift 1-12 1962 med Einar Opstad, f. 20-7 1937. (Opstad 107. 4.)
3. Margot Rimestad, f. 16-9 1943, gift 1963 med Knut Reidar Bjorland.

80. Tønnes O. Rimestad, son til 70, fødd 7-1 1907. Gift 4-5 1935 med Ida Valde-land, fødd 24-2 1913. (Høyland 158. 11.) Tønnes O. Rimestad tok over bnr. 6 etter faren i 1946. Barn:

1. Evelyn Rimestad, f. 22-6 1935, gift 1956 med Martin Løland.
2. Ole Rimestad, f. 6-10 1937, gift 1959 med Tordis Bergljot Torland.
3. Inge Rimestad, f. 10-8 1944.

81. Johan O. Rimestad, bror til 80., fødd 6-11 1911. Gift 1937 med Astrid Hauge, fødd 2-10 1914, dotter til Tønnes og Anna Hauge, Klepp. — Johan Rimestad tok over ein part av farsgården, bnr. 14 Egro, i 1939. Barn:

1. Ove Rimestad, f. 12-7 1938, gift 20-5 1961 med Maria Paulsen.
2. Ellen Rimestad, f. 21-12 1940 (gift 20-5 1960 med Bjarne Kyllingstad?).
3. Tor J. Rimestad, f. 4-5 1946.
4. Aud Rimestad, f. 9-7 1947, gift 1965 med Lauritz Heskje, Time.

82. Ivar L. Rimestad, son til 65, fødd 25-9 1906. Gift 1941 med Maria Nærland Torland, fødd 18-7 1910. (Torland 81. 4.) Ivar Rimestad tok over bnr. 9 etter faren i 1940. Barn:

1. Lars Rimestad, f. 27-9 1943.

83. Gerhardt Johan Tveit, er fødd i Vike-dal 2-8 1915, son til Vilhelm og Serina Tveit. Gift 6-6 1942 med Rakel Oiina Rimestad, fødd 19-10 1922 (75. 3.). Gerh. Tveit tok over bnr. 11 etter verfarem eller vermora i 1942. Barn:

1. Gerd Olaug Tveit, f. 12-8 1948.

84. Trygve T. Høyland, — son til Tobias Svenson Høyland og kona Berte Olette Olsdtr., f. Rimestad (nr. 56. 2. og 62. 1.). Han er fødd på Hinna 10-2 1899, død 27-4 1964, ugift. Tok over bnr. 4 etter Abraham Jonson Salte i 1939.

85. Rasmus Olson Håland (sjå Høyland 177 9.), fødd 21-7 1927. Gift 1949 med Signe Henriksen, fødd Fjotland 9-5 1930, dotter til Ole og Ingeborg Henriksen. — Rasmus Håland tok over bnr. 8 Konga-heio i 1949 etter farbroren, Laurits Håland (73.). Barn:

1. Olaf Håland, f. 30-3 1950.
2. Ove Håland, f. 4-8 1951.
3. Haldis Håland, f. 31-8 1952.

86. Henning Mjåtveit, er fødd på Meland, Frekkhaug 5-11 1925, son til Andreas og Bergitte Mjåtveit. Gift 5-3 1949 med Ruth Serina Rimestad, fødd 23-12 1924 (76. 1.). Henning Mjåtveit tok over bnr. 16, Storhaug (etter Tønnes T. T., 77.) i 1954. Barn:

1. Anne Brit, f. 24-1 1950.
2. Terje, f. 9-12 1953.
3. Magnar, f. 10-9 1956.
4. Øyvind, f. 20-8 1962.

G.nr. 3. Søyland

G.nr. 2. Kaffihodl

Namnet Søyland meiner O. Rygh kjem av søydr. bobla og fossa, straum i ei elv. Her Haa-åno som renn ned om Søyland. Skrivemåten har vore: 1563 Sødeland, 1567 Søland, 1606 Søjeland, 1610 Søland, 1616 Sjøelland, 1668 og 1723 Søyland. Søyland var presteenkje-sæte og hadde ei korn landskuld på $U/2$ pund eller 36 spand, benefisert Ludvig Schultz på Haa prestegard 1 pund, og 12 spand benefisert Kristiansand Lektorat. Søyland skiftar med Njærheim i sør, Høyland i nord eller vest og Rimestad i nord. Ligg til Haa-åno i aust.

NAMNEREGISTER

1. Alff
 2. Nils
 3. Ljøde
 4. Torleiv
 5. Bjørn
 6. Helge
 7. Børild
 8. Peder Børildson
 9. Hans Kristenson
 10. Peder Søyland
 11. Hans Knopf
 12. Tore Samuelson
 13. Omund Jonson
 14. Isak Tjæranson
 15. Theofilus Klausson
 16. Tjærand Isakson
 17. Tønnes Theofilusson
 18. Størkard Nilsson
 19. Tjærand Størkardson
 20. Jakob Tjæranson
 21. Theofilus Tønnesson
 22. Ola Tjæranson
 23. Abraham Hansson
 24. Ola Johannesson Arrestad
 25. Peder Rasmusson
 26. Isak Bue
 27. Siver Isakson
 28. Aslak Erikson
 29. Erik Erikson Fosse
 30. Andreas Erikson Fosse
 31. Rasmus Larsson Tu
 32. Mikal Mathiasson
 33. Adne Olson Lindal
 34. Tore Kristianson Tjensvoll
 35. Kristian Gjermundson
 36. Peder Salveson Sirevåg
 37. Elias Eivindson
 38. Jonas Svenson Tvihaug
 39. Gjermund Olson
 40. Henrik Olson
 41. Eivind Eliasson
 42. Lars Rasmusson Tu
 43. Tønnes Torkelson Ueland
 44. Ingebret Andreasson
 45. Peder Johan Jonasson
 46. Peder Ellingson Høyland
 47. Oskar Høyland
 48. Johannes Olson Sirevåg
 49. Henrik Henrikson
 50. Eivind Eivindson
 51. Jonas Bø
 52. Tobias T. Søyland
 53. Tønnes T. Søyland
 54. Lully Torgersen
 55. Harald Søyland
 56. Monrad Søyland
 57. Magnus Møi
 58. Magnus Gudmestad
 59. Sverre M. Søyland
 60. Jon J. Bø
 61. Peder J. Bø
 62. Alfred Njærheim
 63. Anker Njærheim
 64. Einar E. Søyland
 65. Martin E. Søyland
 66. Tobias Nærland, Kaffihodl
 67. Tor Nærland, Kaffihodl
1. Alff er nemnd på Søyland i 1519 og 1521.
2. Nils er nemnd i 1563. Han skatta $2\sqrt{2}$ lodd sylv.

3. **Ljøde** er nemnd saman med Nils i 1563. Skatta 1 dalar.

4. **Torleiv** nemnd i 1591.

5. **Bjørn Søyland** er nemnd 1613. (Merkeleg nok er ingen nemnde på Søyland 1602- 1603.)

6. **Helge Søyland** nemnd 1613. Han var domsmann i 1623.

7. **Børild Søyland** brukte 9 spand i 1624.

8. **Peder Børildson Søyland** er nemnd i 1645 og 1665. Laugrettesmann i 1655. Fødd kring 1610, død 1673, skifte etter han 15-5 det året. Gift 1) med Kirsten Halvardsdotter Skeie, som der var skifte etter 15-5 1671, dotter til Halvard (Olson?) Skeie i Orre. Gift 2) med Siri Eriksdotter, som visst hadde vore gift før. Ho var dotter til Erik Jonson Høyland i Time og kona Gitlaug Einarstr. Etter Peder Søyland vart ho gift med Tøre Olson Line. Peder Børildson hadde 2 barn i første gifte:

1. Børild Pederson, var utanlands i 1673.
2. Anna Pedersdr. Dei var truleg døde begge før 1687.
Ein stykson var truleg Peder Søyland (sjå nr. 10).

8 B. **Nils Søyland** var laugrettesmann i 1655?

9. **Hans Kristenson** er oppført som brukar i 1664. — Han var son til presten Kristen Lauritzson Lind, og budde på Søyland saman med mora, Margreta Pedersdr. som var presteenka 2dre gong etter presten Peder Nilsson. I 1665 er Margreta sjølv oppført som brukar av enkjesætet som var iy² pund. Hans var f. kring 1617 og døde truleg i 1665. Han var ugift. Margreta åtte heile Norheim i 1665, 3 pund.

10. **Peder Søyland** må ha butt på Søyland før 1700. Kanskje var han styksonen til nr. 8? Me veit ikkje kven han hadde vore gift med, men han hadde ein son, Kristen Pederson, som var hjå stykfaren, Hans Knopf, i 1701, 4 år gamal.

11. **Hans Knopf** var løytnant under kaptein Hejermans kompani og budde på enkjesætet Søyland i 1701. Han var fødd kring 1660, og gift med enkja etter nr. 10. Ein son er nemnd:

Peder Hansson Knopf, fødd 1700, gift

7-3 1731 med Kirsten Olsdr. Line. Han var kaptein og budde på Bryne i 1758. — Kirsten var dotter til Ola Toreson Line som truleg var halvbror til nr. 10.

12. **Tore Samuelson** var son til lensmann Samuel Gabrielson Kleppe og kona, Guri Toresdr. frå Håve i Høyland. Han var fødd kring 1694, død 1743, skifte etter han 23-4 det året. Gift med Ingeborg Pedersdr. Obrestad, som der var skifte etter 22-2 1774 (sjå Obrestad 13. 3.). — Tore brukte heile Søyland, iy² pund. I 1723 er Hr. Ludvig Schultz eigar av 1 pund og Kristiansands Lectorat y² pund. Han hadde 5 barn:

1. Guri, fødd 1728, gift 1) med Tjærand Jonson Nærland. 2) med Ola Monsson Nærland. (Nærland 19. og 25.)
2. Berit Toresdr., f. 1733, gift med enkjemann Rasmus Eivindson Bore.
3. Margreta Toresdr., f. 1734, gift med Isak Tjærandson (14.).
4. Anna Toresdr., f. 1737, gift med Theofilus Klausson (15.).
5. Samuel Toreson, f. 1742, gift 1770 med Anna Nilsdr. Egevåg. Budde i Stavanger.

12 B. **Ola Johannesson og Erik Søyland** (sjå Tingb. V side 58).

13. **Omund Jonson Vestly**, son til klokkar Jon Tjærandson Vestly og bror til Tjærand Jonson Nærland (19.). Han var f. 1716, skifte etter han 26-7 1763. Gift med enkja etter Tore Samuelson, Ingeborg Pedersdotter. Han brukte Søyland etter Tore. Hadde ikkje barn.

14. **Isak Tjærandson Nærland** (Nærland 19.) var brorson til Omund. Han var fødd kring 1737, død 23-8 1796. — Gift med Margreta Toresdotter Søyland, fødd 1734, død 12-6 1792. Isak byksla 12 spand av presten Bendix Djurhus i 1763. — Dei hadde 3 barn.

1. Tore Isakson, f. 1775, gift 1799 med Jorina Tørresdr. Orre. — Budde på Orre.
2. Tjærand Isakson Søyland, fødd 1770 (nr. 16).
3. Astrid Isaksdr. var fadder hjå Albert Særheim i 1793. Veit ikkje meir om henne.

15. **Theofilus Klausson Stangeland**, son til Klaus Erikson Stangeland i Klepp og kona Anna Omundsdr. Skasheim. Han var fødd kring 1732, død 27-9 1807. Gift med Anna Toresdotter Søyland, f. kring

1737, d. 9-3 1795 (sjå 12 4.). Theofilus fekk byksla 18 spand av Bendix Djurhus i 1763. Landskulda var då berre 1 pund 6 spand mot før 1 pund 12 spand. — Theofilus og Anna fekk 5 barn:

1. Omund. — Han var gift og hadde ei dotter, Anne Berte, f. 18-7 1790?
2. Tønnes Theofilusson Søyland, f. 1760 (17.).
3. Klaus, f. 1770?
4. Peder, f. 1774, d. 5-5 1796.
5. Ingeborg Gurine, f. 1778, gift 1) med Hans Rasmusson Høyland (Høyland 42. 3.) gift 2) med Sven Larsson Næsheim (Næsheim 80.).

16. Tjærand Isakson, son til 14., f. 1770, d. 27-12 1846, gift 10-12 1797 med Guri Olsdtr. Nærland (25) f. 1774, d. 7-11 1833. — Tjærand byksla 12 spand av Gabriel Schanke Kielland og 6 spand av presten Søren Mikael Kastrup i 1796. I 1848 fekk han kongeskjøte på 12 spand for 400 spdl. Nå var dei 6 sp. som vanta i 1763 komne att, slik at kvar bruk var på 18 spand. Tjærand kjøpte 3 spand i Haavåg Laksefiske av Lars P. Kvia i 1826. Tjærand og Guri fekk 7 barn:

1. Isak, f. 18-3 1798, d. 30-5 1818.
2. Berta, f. 26-4 1801, gift i Stavanger 8-11 1821 med Samuel Samuelson Næsheim på Ledaal. (Næsheim 66. 4.)
3. Margareta, f. 16-3 1804, d. 5-6 1818.
4. Taletta, f. 11-2 1807, gift 26-3 1829 med Ola Olson Nærland (32.).
5. Guri, f. 1-9 1809, gift 4-3 1830 med Rasmus Jonson Høyland (84.).
6. Ola Tjærandson Søyland, f. 20-6 1813 (22.).
7. Isak, f. 21-6 1818?

17. Tønnes Theofilusson, son til 15, fødd 1760, død 9-5 1842, gift 22-2 1805 med Asselina Larsdtr. Kvia, f. 1785, d. 5-5 1848. (Kvia 24. 4.) Tønnes byksla 18 sp. av Kastrup i 1798. Dei fekk 10 barn:

1. Tobias Tønnesson, f. 13-1 1806. d. 21-1 same året.
2. Anna Tønnesdtr., fødd 3-3 1807, gift 24-11 1833 med Tjærand Torstenson Rimestad (sjå der 53.).
3. Akseliana Tønnesdtr., fødd 3-11 1808, gift i Stavanger 17-12 1840 med matros Einar Rønneberg i Stavanger.
4. Theofilus Søvland, f. 21-5 1810 (nr. 21).
5. Lars Tønnesson, f. 10-11 1812, reist til Amerika.
6. Peder Tønnesson, f. 12-7 1815, gift i Stavanger 26-11 1840 med Olina Olsdtr. Harestad, Stavanger.

7. Dorthea Tønnesdtr., f. 27-6 1817, gift 5-12 1839 med Ola Gunnarson Njærheim (sjå der 91. 4.).
8. Tollef Tønnesson, f. 13-12 1820, gift 1) i Stavanger 12-12 1842 med Maren Elisabeth Johannesdtr. Garborg, gift 2) med Johanna Monsen. Han var sjømann i Stavanger.
9. Helena Tønnesdtr., f. 10-10 1822, gift med Peder? Gunderson. — Budde i Tananger.
10. Tønnes Theofilusson hadde ein son u. e. Tønnes Tønnesson, f. 15-7 1803, mor var Anna Olsdtr. Rimestad (Rimestad 25. 5.). Tønnes gift 1) i Stavanger 13-12 1835 med Siri Samuelsdtr. Næsheim (Næsheim 66. 6.), gift 2) i Stavanger 1-5 1846 med Berta Torgersdtr. Fotland i Time.

18. Størkard Nilsson Ægren, son til Nils og Berit Ægren i Ognå. Han var fødd kring 1747, død ?. Gift med Ragnhild Tjærandsdatter Sør-Reime, f. 1735, død 19-5 1818. (S. Reime 15. 5.) Størkard var husmann på Søyland på Lægeholen, det seinare Kaffihodl. Me veit om berre ein **son**:

1. Tjærand Størkardson Søyland (nr. 19).

19. Tjærand Størkardson Søyland, fødd kring 1775, død 30-7 1830. Gift 8-1 1813 med Karen Jakobsdatter Njærheim, fødd 1781, død 15-7 1850 (Njærheim 79.). — Tjærand var husmann på Lægeholen etter faren. Han hadde 3 barn.

1. Berta Karina Tjærandsdtr., f. 2-12 1803, d. 21-5 1832.
2. Jakob Tjærandson, f. 19-4 1813 (sjå nr. 20).
3. Zakarias Tjærandson, f. 28-10 1816. Flutt til Orre i 1833?

20. Jakob Tjærandson, son til nr. 19, var fødd 19-4 1813, død 3-12 1876. Gift 14-3 1835 med Tala Eriksdatter Anestad, fødd 26-4 1801, død 8-3 1894 (sjå Anestad i Varhaug 61. 3.). — Jakob kjøpte plassen Lægeholen (Kaffihodl) av Theofilus Tønnesson og Rasmus Larsson i 1849 for 76 dalar og 32 dalar, og av Ola Tjærandson for 40 dalar. Han kjøpte og ein part av Torkel Hansson Sveinsvoll i 1853 for 20 dalar. Dei hadde 2 barn:

1. Karen Jakobsdtr., f. 21-10 1834, død på Søyland 2-8 1863, gift 11-8 1859 med Rasmus Erikson, Soma i Høyland.
2. Tjærand Jakobson, f. 23-2 1838?

21. Theofilus Tønnesson, son til 17., var fødd 21-5 1810, død ?, gift 16-3 1834 med Ester Pedersdatter Gudmestad, fødd 26-2

1813, død ? (sjå Gudmestad 25. 5.). — Theofilus byksla 18 spand av presten Sandberg i 1836. I 1847 fekk han kongeskjøte på dei 18 spand for 1505? dalar. I 1849 selde han 10 spand til Rasmus Larsson, og i 1854 ^{622/27} spand til Tore Kristianson. Resten, ^{15/27} spand, kjøpte Jakob Tjærandsen i 1849. I 1857 flytte Theofilus til Hålands prestegjeld (Tananger). Han hadde 8 barn:

1. Tønnes Theofilusson, f. 28-2 1835, gift i Stavanger 20-11 1863 med Katarina Olsen, f. i Stavanger. Han var skipper.
2. Ingeborg Theofilusdr., f. 1-6 1837, gift og budde i Cape Town, Sør-Afrika.
3. Asselina Theofilusdr., f. 30-6 1841.
4. Peder Theofilusson, f. 2-2 1844, gift i Stavanger 1-5 1870 med Ingeborg Tønnesdr. Søyland, f. i Stavanger 23-6 1846, dotter til nr. 15. 10. Han var sjømann.
5. Ester Theofilusdr., f. 31-3 1847, gift med Palle Olson Myklebust i Håland.
6. Theofilus Theofilusson, f. 26-5 1850, d. 13-1 1852.
7. Theofilus, f. 5-9 1855, gift med Marta Torkelsdr. Ueland. Budde i Tananger og var sjømann. (Ueland, Varh. 62. 2.)
8. Lars var sjømann og budde i San Fransisco.

22. Ola Tjærandsen, son til 16., f. 20-6 1813, d. 21-7 1875, gift 4-12 1836 med Maria Vig, f. 17-8 1817, d. 8-2 1894, dotter til Henrik Monsson Vig og kona Berta Jonsdr. frå Gruda. Ola byksla 6 sp. av Sandberg i 1836. — Torkel Hansson Vig fekk kongeskjøte på dei 6 sp. i 1848 for 416 spd. Ola kjøpte 3 sp. i Haavåg Laksefiske av faren i 1840 for 90 spd. og selde same til Samuel Ledaal i 1845 for 60 spd. I 1849 kjøpte han 12 sp. i Søyland av faren si dødsbu for 400 spd. — Ola og Maria fekk 9 barn:

1. Tjærand, f. 2-7 1837, d. 17-6 1839.
2. Henrik Søyland, f. 2-4 1839 (40.).
3. Tjærand, f. 28-2 1841, gift 29-11 1874 med Bernhardine Presine Nilsen. Han var sjømann og budde i Stavanger.
4. Grete, f. 15-12 1843, d. 26-5 1847.
5. Berta Elisabeth, f. 27-6 1847, gift 1) 21-11 1871 med Jonas Johannesson Høyland (Høyland 96. 4), gift 2) i Stavanger 22-12 1881 med Gunnar Larsson Voll, Varhaug (Voll 84. 2.).
6. Omund Johan, f. 19-2 1849, gift 2-3 1880 med Elen Tomine Halvorsen. — Budde på Avaldsnes, Karmøy.
7. Grete, f. 3-2 1852, gift 19-6 1874 med Johannes Rasmusson Todneim i Høyland. (Bd. II Todneim 38.)

8. Ola, f. 31-12 1859, sjømann, død i Amerika, ugift.
9. Maria, f. 31-3 1864, gift med lokomotivfører Garmann Tønnesen. (Sjå Bd. II Kvål 18.)

23. **Abraham Hansson** son til Hans Olson Njærheim og gjenta Anna Johannesdr. fra Tjelmengen, Ueland i Varhaug. Han var fødd 10-7 1810, gift 30-10 1836 med Ingeborg Eriksdr. Skretting, f. 18-5 1813, dotter til Erik Svenson Skretting og kona Berta Larsdr. frå Refsland (Skretting 56. 2.). Abraham budde på Holen under Søyland? i 1837. I 1839 var han komen til Refsland. Ei dotter var f. på Søyland: 1. Berta, f. 20-2 1837?

24. **Ola Johannesson Arrestad** var son til Johannes Isakson Arrestad i Time og kona Sofia Olsdr. frå Eikeland. Han var f. i Time 4-4 1802, gift 13-11 1831 med Anna Maria Toresdr. Lende, f. 19-10 1811. Han budde på Søyland i 1848 utan at eg veit kvar. Seinare kom han til Visturen under Våland (sjå der 27.). Det var nok dei 6 sp. som Torkel Hanson Vig hadde kjøpt i 1848 som Ola Johannesson hadde byksla.

25. **Peder Rasmusson** var truleg son til Rasmus Pederson Høyland og kona Karen Berte Olsdr. (Høyland 73.) Han var f. 18-11 1820, gift 1) med Berta Gabrielsdr. (Nærland, enkja etter Elias Olson Varhaug som d. i Stavanger 26-7 1840?) gift 2) i Stavanger 10-5 1867 med Johanna Pedersdr. Meling. Peder byksla truleg dei 6 sp. av Torkel Vig som nr. 24 hadde brukt. Ein son var f. på Søyland: 1. Rasmus, f. 18-9 1849, gift i Stavanger 4-1 1872 med Elen Maria Rasmusdr. Anda. Han var då styrmann og budde i Stavanger.

26. **Isak Bue** er oppført på denne parten i 1851 etter Peder Rasmusson (sjå Bjorhaug) og i 1853 er sonen

27. **Siver Isakson** oppført på dette bruket. Han var der i 1854 og, for det året hadde han ei dotter til dåpen frå Søyland. (Sjå Bjorhaug 11.)

28. **Aslak Erikson** kjøpte denne parten av Torkel Hansson Vig i 1855 for 400 spd. Han er oppført i futerekneskapen med 5n/8 sp. Aslak var frå Gimra i Håland og hadde butt på Risa (72.) og Næsheim (under 82.). Seinare kom han til Høyland og døde der 15-4 1884.

29. Erik Erikson Fosse må ha kjøpt denne parten av Aslak Erikson. Han var son til Erik Olson Fosse og kona Ingeborg Torkelsdotter. Han døde på Søyland 14-7 1859, 34 år gamal. — Ein Erik Erikson Fosse var gift i Time 14-4 1845, 22 år gamal, med Rakel Simonsdr. Haugland (Auglænd?) 24 år. Denne Erik var son til Erik Olson, og eg trur plent at det var han som var på Søyland. Den 15-10 1860 vart tvangsauksjon halden på vegne av Kyrkjedepartementet over Erik Erikson Fosse si enkja sin anpart ln. 54, 6 sp. i Søyland.

30. Andreas Erikson Fosse fekk tilslaget for 483 spd. Andreas var son til Erik Erikson Fosse og kona Malena Jespersdr. Faren var frå Lomeland og mora frå Ravndal i Gjesdal. (Sjå Bd. I Lomeland 21.) Andreas var f. på Fosse 16-12 1831, d. på Søyland 18-3 1873, gift 4-6 1863 med Ingeborg Margreta Eriksdr. Næsheim, f. i Stavanger 1841, d. ? (Næsheim 97.). 5 barn:

1. Ingebret Søyland, f. 5-11 1863 (44.).
2. Peder Ingvald, f. 8-5 1865, gift med Berta Velasdr. Topdal. (Løgesteinen Bø 118.)
3. Kristine Marie, f. 27-10 1867, gift 22-4 1887 med Ola Olson Salte, f. 1861. — Budde på Salte, seinare Bryne.
4. Maria, f. 3-9 1870, d. ugift?
5. Ingeborg Margreta, f. 20-1 1873, gift 10-4 1899 med Erik Tønnesson Håland (Skjærpe 42.).

31. Rasmus Larsson Tu var son til Lars Albertson Hole og kona Elen Rasmusdr. frå Kleppe, f. 22-4 1819, d. 19-7 1896, gift i Varhaug 28-11 1849 med Anna Gurina Stavnheim, f. 18-10 1826, d. 14-8 1872, dotter til Ola Albertson Stavnheim og Ragnhild Pallesdr. (Stavnheim 37. 5.) Rasmus kjøpte 10 sp. i Søyland av Theofilus Tønnesson i 1849 for 830 spd. — 2 barn:

1. Rakel Kirstine, f. 15-6 1851, gift med Jonas Valdeland, byggmeister i Stavanger. (Valdeland 12. 2.)
2. Lars Søyland, f. 8-7 1853 (42.).

32. Mikal Mathiasson var son til Mathias Mathiasson Sandgås under Sele og kona Berta Bertelsdr. Han var f. 31-1 1808, gift med Grete Maria Jakobsdr. Skjæveland, f. 1803? (sjå Bd. II Skjæveland 76 A) der ho heiter Grete Maria Nilsdr. Mikal kjøpte 3 sp. i Søyland av Rasmus Larsson Tu i 1854 for 200 spd. I 1857 selde han til Jonas Svenson og reiste til

Amerika. Han døde der, og enkja, Grete Maria Jakobsdr. gav skjøte til Jonas Svenson for 500 spd. i 1873. Eg veit ikkje kvar ho budde då, men ho hadde ein son, Jakob Torgerson som budde på Njærheim (112.).

33. Ådne Olson Lindal er oppført som brukar av 622/27 sp. som Theofilus Tønnesson åtte i 1852 (sjå Lindal 22.).

34. Tore Kristianson Tjensvoll kjøpte desse 622/27 sp. av Theofilus i 1854 for 750 spd. Han var son til Kristian Omundson Tjensvoll i Time og kona Gitlaug Toresdr. frå Njå, f. 11-2 1819, d. på Lode 7-11 1899, gift 1) 13-6 1854 med Ingeborg Kirstine Hognestad, f. 12-7 1823, d. 9-10 1860, dotter til Ola Olson og Anna Johannesdr. Hognestad, gift 2) 8-4 1862 med Elisabet Rasmusdr. Bø, f. 10-7 1813, d. 10-9 1862 (Bø 72.), gift 3) 4-11 1863 med Marta Jonsdr. Næsheim, f. 23-2 1831 (Næsheim 84.). — Ved skifte etter Iste kona kjøpte Tore bruket att for 600 spd., og ved skifte etter 2dre kona 18-9 1863, var bruket verdsett til 800 spd. — Tore hadde byksla eit stykke til Tollak Medholen, og frå 27-9 1881 byksla han dette til Nærbø Fatigkommisjon. Då brukte Nils Nilsson Gudmestad dette stykke. Bykselen skulle gjelda så lenge Nils og kona levde. I 1890 selde han til Tønnes Ueland og flytte til Lode. Tore hadde 3 barn i første gifte og 8 i tredje:

1. Grete, f. 22-12 1854, d. i Stavanger, ugift.
2. Kristian, f. 24-5 1857, d. 6-3 1883, ugift.
3. Anna, f. 10-8 1859, gift med ein Egeland. Bur i Amerika. — Barn: Oskar Egeland, gift med Anna Skretting (Olai og Taletta).
4. Kirsten, f. 15-7 1864, d. 8-10 1879.
5. Kristine, f. 10-11 1865, gift med Nils-son Haugland i Amerika?
6. Jon, f. 9-11 1866, død på Lode. Var mange år i Amerika.
7. Lisabet, f. 12-5 1868, gift og død i Amerika?
8. Tobias, f. 2-6 1870, d. Lode 22-2 1966, ugift.
9. Maria, f. 3-8 1872, gift med Hans Jonassen i Stavanger.
10. Reinert Olaus, f. 26-12 1877, død som barn.
11. Karl Johan, f. 26-5 1879, d. ?

35. Kristian Gjermundson Herikstad (sjå Næsheim 92.). Han kom til Søyland kring 1842 og budde på eit plass ved Alabekken, Kvernhussholen under bnr. 3.

36. Peder Salveson Sirevåg budde truleg på Kvernhussholen etter Kristian Gjermundson. I 1856 flutte han til Såbrekko under Ueland i Varhaug (sjå der nr. 71).

37. Elias Eivindson Næsheim (sjå Næsheim 76.) var fødd 2-8 1812, død ? Gift 21-12 1838 med Guri Hansdotter Næsheim, f. 25-3 1807, d. ? (Næsheim 75. 2.). Elias kjøpte helvta av "Næssem-stykket" II²/₉ spand, og Annarbakken, 2y² spand, av Olå Tjærandsen sitt bruk, i 1854 for 200 dalar. Dei fekk 5 barn, alle fødde på Næsheim:

1. Berta Elisabet, f. 22-5 1838, gift 13-6 1867 med Ivar Ivarson frå Sandnes. Han var sjømann.
2. Eivind Eliasson Søyland, f. 29-4 1842 (nr. 41).
3. Anna Maria Eliasdtr., f. 19-1 1844, gift med Peder Pederson Bore, budde visst på Ase i Klepp.
4. Helena Eliasdtr., f. 9-7 1848, gift med Enok Erikson Gimra. Arbeidsmann på Sandnes.
5. Elen Eliasdtr., f. 23-3 1853, gift med Gunnar Kristianson Leikvoll.

38. Jonas Svenson Tvihaug var son til ungar Sven Torjusson frå Eikeland i Bjerkreim og Berta Pedersdotter Tvihaug (sjå Tvihaug i Varhaug 27. 1.). Han var fødd på Tvihaug 12-4 1831, død 23-1 1918. Gift 2-4 1857 med Anna Olsdotter Lindal, fødd 25-12 1820, død 23-7 1893, (Lindal 21. 5.). — Jonas kjøpte Hauane av Mikal Mathiasson i 1857. Dei fekk 4 barn:

1. Berta Malena, f. 1-1 1858, gift 1) 18-4 1882 med Nikolai Fosse, gift 2) med bror hans, Rasmus Fosse. Budde på Stokka, seinare i Stavanger.
2. Inger f. 27-8 1860, ein son: Erling Torvald Søyland, f. 25-5 1889. Han har papirhandel i Stavanger.
3. Peder Johan Jonasson Søyland, f. 18-2 1863 (nr. 45).
4. Anna Olina Søyland, f. 22-6 1866. Ho budde i Stavanger. — Ein son: Oskar Rasmusson, i Stavanger (sjå Djøseland under 40. 5.).

39. Gjermund Olson Heien (sjå N. Halleland, Varhaug 22. 3.) var fødd i Varhaug 22-6 1824, død ? Gift 12-4 1866 med Grete Tollaksdotter Håland i Varhaug (sjå der 52. 3.) fødd 8-9 1830, død ? Gjermund var komen til Kaffihodl (Lægeholen) i 1887 etter Jakob Tjærandsen. Der er ikkje nemnde barn.

40. Henrik Olson Søyland, son til 22., var fødd 2-4 1839, død 16-3 1919. Gift 1865

med Elen Kirstine Tørresdotter Taksdal, fødd i Time 20-11 1833, død 28-7 1923, dotter til Tørres Berntson Taksdal og kona Kari Bendiksdtr. frå Skretting i Varhaug (sjå der 48. 3.). Henrik Olson tok over 8¹³/₁₈ spand, bnr. 2, av faren i 1866 for 250 dalar med følge. Han dreiv landhandel og handla med dynamitt. — Truleg heldt han og ved lag den gamle skysstradisjonen ei tid. — Dei hadde 6 barn:

1. Henrik Kajus Søyland, f. 19-4 1867, d. 29-12 1891, ugift.
2. Mine Karlotte Søyland, f. 18-7 1868, gift med Lars Opstad (sjå Gudmestad 52.).
3. Olava Telline Søyland, f. 8-8 1870, d. 8-4 1961, gift 24-2 1906 med Johan Jonson Vig i Klepp.
4. Gina Søyland, f. 19-8 1872, d. 9-7 1909, g. med Tønnes Johannesson Høyland, f. i Varhaug (Nærbø) 4-3 1865. Budde på Soma i Høyland (sjå Skretting under 64. 2.).
5. Mikal Severin Søyland, f. 28-6 1874, d. 9-3 1940, gift 6-1 1898 med Potella Marie Nøddland. — Han var agent i Stavanger.
6. Henrik Søyland, f. 7-4 1876 (sjå 49.).

41. Eivind Eliasson, son til 37., var fødd på Næsheim 29-4 1842, død 31-1 1919, gift 21-3 1872 med Maria Peder Mikalsdtr. Grøtheim, f. 29-10 1849, d. 9-1 1919. (Grøtheim 18. 3.). Han tok over Annarbakken etter faren kring 1880. Dei fekk 12 barn:

1. Grete, f. 30-7 1873, gift 10-11 1899 med Elling Eliasson Lura. Dei var tremenningar. (Sjå Bd. II Lura 69.1.)
2. Mine, f. 24-10 1875, d. 19-4 1879.
3. Elen Maria, f. 22-9 1878, gift 20-6 1908 med Olaus K. Bø (Bø 120. 2.). Bur på Vaulen.
4. Mine Marie, f. 8-6 1880, gift med Palle Mæland, Pollestad?
5. Eivind Søyland, f. 18-4 1882 (50.).
6. Ole, f. 12-4 1884, gift i Montana med Anna Malmeim frå Høyland. Bygningsmann.
7. Martin, fødd 9-1 1886. Sauegjætar i Montana.
8. Dina, f. 24-12 1888, gift 16-10 1915 med Berner Jensson Rosland.
9. Rasmus, f. 10-7 1890. Bur i Montana?
10. Elias, f. 29-9 1892, Montana?
11. Elling, f. 22-4 1895, Montana?
12. Maria, f. 16-3 1897.

42. Lars Rasmusson Tu, son til 31., f. 8-7 1853, d. 20-6 1925, gift 7-7 1885 med

Berta Maria Årrestad, f. i Time 14-2 1858, d. 25-11 1935, dotter til Eivind Torkelson Arrestad og kona Inger Svensdr. (sjå Bø) (Skretting 79. 4.). Lars hadde bnr. 6 og bnr. 3, Marknæs. Dei hadde ikkje barn, men ei adoptivdr. Lully Søyland, f. 24-6 1903, gift 18-8 1923 med Ottar Kristian Torgersen, f. i Stavanger 6-3 1900. Dei brukar garden. — Lars kjøpte Marknæs av enkja Ingeborg Margreta Eriksdr. (30.) i 1885. — I 1925 kjøpte Sverre M. Søyland denne parten.

43. **Tønnes Torkelson Ueland** var son til Torkel Andersson Ueland og kona, Guri Mikkeldtr. (Ueland 62. 4.) Han var f. i Varhaug 1-11 1855, d. 27-11 1942, gift 5-11 1880 med Ingeborg Serine Torkelsdr. Høyland, f. 17-4 1856, d. 28-9 1933 (Høyland 104.). Tønnes kjøpte bnr. 5 av Tore Kristianson i 1890. I 1898 er Peder Toreson Høyland oppført med ein part, bnr. 9, og like eins i 1906. — Tønnes og Ingeborg Serine fekk 9 barn:

1. Torkel Søyland, f. 28-5 1881, gift 6-4 1906 med Berta Skjærpe, (Skjærpe 35. 5.). Han er handelsmann i Haugesund.
2. Serina, f. 16-11 1882, gift med Sven Lode (Lode 82.).
3. Gurina, f. 21-5 1884, gift 6-5 1906 med Lars Anda. Bakar og handelsmann på Nærbø.
4. Anna, f. 8-1 1886, gift 3-11 1907 med Theodor Sirevåg, maskinist, død. — (Lode 85.) Ho bur på Nærbø.
5. Tobias Søyland, f. 3-1 1888, d. 21-8 1962, gift 12-2 1922 med Elisabet, f. Søyland (48.). Bur på Søyland bnr. 11 Tjelmholen. Ikkje barn.
6. Tønnes Søyland, f. 29-5 1890, gift 1920 med Anna Maria Dahl, f. i Kristiansand 1895, d. 4-1 1959. Budde på Søyland f. 5
7. Sofia, f. 19-2 1892, gift 21-9 1913 med med Omund Skår (Bø 162.).
8. Karen Tolline, f. 12-11 1893, d. 29-1 1894.
9. Elen Maria, f. 6-6 1896, gift 30-10 1921 med Gabriel Salte, d. 13-9 1965.

44. **Ingebret Andreasson**, son til 30, f. 5-11 1863, d. 5-11 1936, gift 10-4 1891 med Grete Maria Ueland, f. 17-9 1866, d. 11-10 1947. Syster til 43. Ingebret tok over bnr. 5 av mora. Dei fekk 9 barn:

1. Andreas, f. 10-7 1891, gift med Olava Kartevoll, d. 9-10 1960.
2. Gurina, f. 21-8 1893, d. 26-10 1937, ugift.
3. Ingeborg, f. 22-11 1895, bur på Søyland, bnr. 19, ugift.

4. Grete Maria, f. 22-6 1898, gift med Karl Auestad (Varhaug 49. 4.).
 5. Torkel, f. 4-12 1900, d. 13-11 1901.
 6. Tabitta, f. 19-10 1902, gift med Johan Eilefsen, Tjelta, Sola.
 7. Ingebret, f. 8-7 1905, d. 8-2 1906.
 8. Inga, f. 28-12 1906. Bur på Søyland, bnr. 19, ugift.
 9. Margit, f. 31-8 1910, gift 30-1 1932 med Birger Rosland.
- Magnus Gudmestad kjøpte dette bruket i 1938.

45. **Peder Johan Jonasson**, son til 38., f. 18-3 1863, d. ?, gift 22-10 1891 med Talletta Fosse, f. i Time 29-8 1865, d. ?. — Dotter til Nils Rasmusson Fosse og kona Malena Eriksdr. Ho var systerdotter til 29. Peder tok over bnr. 7, Hauane, i 1881. Dei fekk 6 barn:

1. Alma, f. 30-10 1892, gift med Jonas Bø (51.).
2. Johan, f. 30-5 1894, d.
3. Magda, f. 18-7 1896, d. 28-6 1946, ugift.
4. Nille, f. 14-10 1898, gift 26-11 1921 med Arnt A. Salte, Hana.
5. Tilla, f. 31-1 1901, gift 5-3 1924 med bakar Olaf Anda, Nærbø.
6. Pauline Johanna, f. 1-4 1904, gift 1-8 1925 med Ingvald A. Hadland, Oгна, f. 1897.

46. **Peder Ellingson Høyland** (Høyland 151.). Han kom til Aalabekken etter 1889, og budde der til han døde i 1917. I 1922 kjøpte Oskar Høyland denne parten.

47. **Oskar Høyland** (sjå Høyland 159. 5.) f. 20-6 1901, d. 28-11 1957, gift 1943 med Ingrid Njærheim, f. 18-6 1914 (Njærheim 143. 3.). Oskar dreiv stor eggproduksjon.

48. **Johannes Olson Sirevåg** var son til Ole Johannes Johannesson Sirevåg og kona Elen Kirstine Svensdr. Han var f. 1870, d. 1967, gift 1895 med Karen Maria Sirevåg, f. 1869, d. 11-12 1950, dotter til Peter Eugen Erikson Sirevåg og kona Elisabet Tollaksdr. frå Håland i Varhaug. Johannes kom til Kaffihodl i 1896 etter Gjermund Olson (39). Han selde til Tobias Nærland. Sidan har han han butt i Vikedal. Dei har hatt 10 barn:

1. Ole Søyland, f. 11-11 1895, gift med Asselina Skretting, f. 1897. — Bur i Amerika (Skretting 121. 3.) på Nærbø frå 1968.
2. Elisabet, f. 23-6 1897, gift med Tobias Søyland (43. 6.).
3. Anny, f. 3-10 1898, gift med Osmund Øverland i Vikedal.
5. Peder f. 15-2 1902.
6. Johannes, f. 27-12 1903.

4. Maria, f. 19-2 1900, gift med Furuholm. (I Amerika.)
7. Marta, f. 29-8 1905, gift med Magnus Erga. (I Amerika.)
8. Garman, f. 1-3 1907. (I Amerika.)
9. Inga J., f. 16-2 1910, gift med Andreas Øverland. Bur på Gjerde i Vats.
10. Einar J. Søyland, f. 29-5 1915, gift med Ingebjørg Nesheim frå Granvin. (I Amerika.)
49. Henrik Henrikson, son til 40., f. 7-4 1876, d. 14-6 1939, gift 1905 med Thora Mathisen, f. i Egersund 7-4 1876, d. 21-1 1957, dotter til Martinius Veshovd og kona Ingeborg. Henrik brukte farsgården, bnr. 2, og dreiv attåt som maskinagent. Dei fekk 9 barn:
1. Henrik Søyland, f. 11-5 1906, dokter i Stavanger, gift med Ester Ims, Stavanger.
 2. Kirsten, f. 9-5 1908, gift 12-6 1938 med fiskar Magnus Hellenen, Sirevåg.
 3. Monrad Søyland, f. 27-7 1909, gift med Inger Varden, Vigrestad. Bur på Søyland, bnr. 14 og 15, Solhaug. (Vigrestid 05 4)
 4. Thora Søyland, f. 14-8 1912, gift 3-4 1937 med Tormod Tollefson Re. Bur på Bryne.
 5. Harald Søyland, f. 19-10 1914, gift med Gudrun Høye, f. på Herla 5-5 1922. Brukar ein part av farsgården.
 6. Gina Søyland, f. 30-12 1915, gift med Anton Løvstad, Oslo.
 7. Ingeborg Søyland, f. 9-11 1911, gift med Herman Eikedal, Oslo.
 8. Magnhild Søyland, f. 22-5 1917.
 9. Kari Søyland, f. 27-11 1919, gift med Olena Håkonsen frå Finnøy.
50. Eivind Eivindson, son til 41. Fødd 18-4 1882, d. 6-3 1965, gift 8-5 1906 med Marta Seline Salte, f. 1887, dotter til Arnt Olson Salte. (Arnt Andreasson og Justine Maria Eivindsdtr. Salte?) Eivind brukte Annarbakken etter faren. I 1936 vart bruket selt til Magnus Moi. Dei fekk 10 barn:
1. Margit Søyland, f. 28-2 1907, gift 10-1 1931 med Torger Torgerson Salte (sjå Njærheim 135. 4.).
 2. Josefine Søyland, f. 26-4 1909, gift med Sven G. Håland (sjå Låge Håland 16. 1.).
 3. Elling Søyland, f. 4-4 1911, gift 10-9 1932 med Ragna Njærheim. (Njærheim 143. 3.)
 4. Anna Søyland, f. 24-12 1913, g. 24-10 1937 med Tolleiv Jakobson Haga, f. i Forsand 1913.
 5. Einar Søyland, f. 12-2 1917, gift 1939 med Anna J. Bø. (Sjå Søyland 51. 4.) Bur på Søyland.
10. Arne f. 9-1 1920, gift med Arna Ege-land. Bur på Nærbø.
6. Sverre Søyland, f. 12-3 1922, gift med Aslaug Storstrand, f. på Stord 22-4 1929. Bur på Nærbø.
 7. Else Søyland, f. 3-7 1924, gift 1945 med Arne Sikveland.
 8. Ole Søyland, f. 9-11 1927, sjåfør. Gift med Marta Gjerstad.
 9. Martin Søyland, f. 9-5 1931, gift 1956 med Torbjørg Odland, Tysvær.
51. Jonas Jonson Bø (sjå Bø 170.). Han var f. 7-2 1888. Gift 1915 med Alma Søyland, f. 30-10 1892 (45. 1.). Jonas Bø tok over bnr. 7 Hauane etter verfare (45.). Dei fekk 5 barn:
1. Agnes Bø, fødd 10-10 1915, gift med Fritjov Bollestad, fødd i Gjesdal 21-11 1917.
 2. Jon J. Bø, f. 3-5 1917.
 3. Tora J. Bø, f. 30-11 1918, gift med Erling Erga, f. 6-6 1915.
 4. Anna Johanna Bø, f. 3-12 1919, gift 1939 med Einar E. Søyland. Bur på Søyland (64.).
 5. Peder J. Bø, f. 3-1 1922 (Søyland 61.).
52. Tobias T. Søyland, son til 43, fødd 3-1 1888, død 21-8 1962. Gift 12-2 1922 med Elisabet Søyland, fødd 23-6 1897 (48. 2.). Tobias Søyland tok over ein part av farsgården, bnr. 11 Tjelmhodl, i 1924. Dei var barnlause. Adoptivdotter Karen Søyland, f. i Vikadal 22-8 1929, gift med Henrik Underhaug (Nærbø 202.).
53. Tønnes T. Søyland, bror til 52., er f. 29-5 1890. Gift 1920 med Anna Marie Dahl, f. i Kristiansand 1895, d. 4-1 1959, dotter til Siver og Anne Dahl. Tønnes Søyland tok over bnr. 5 etter faren i 1924.* Barn:
1. Astrid Søyland, f. 21-1 1921, gift med Kristian E. Risa (Risa 105. 1.).
 2. Torkel Søyland, f. 30-12 1925.
54. Lully Torgersen (sjå under 42.), fødd 24-6 1903, død 11-8 1964. Gift 18-8 1923 med Ottar Kristian Torgersen, f. i Stavanger 6-3 1900. Dei tok over bnr. 6 i 1926 etter Lars Rasmusson. Barn:
1. Mary Torgersen, f. 31-1 1924, d. 1928.
 2. Lars Rudolf Torgersen, f. 8-4 1925, gift 10-3 1956 med Signy Olsen, Hauge i Dalane.
 3. Kari Torgersen, f. 24-8 1926, gift med William Hodges. USA.
 4. Mary Torgersen, f. 22-8 1928, gift 22-7 1950 med Reidar Re, Bryne.

5. Liv Torgersen, f. 6-1 1930, g. 26-5 1956 med Karl Ingolf Nyberg, Hillevåg.
6. Judith Cornelia Torgersen, f. 15-2 1932.
55. Harald Søyland, son til 49., fødd 19-10 1914. Gift 1944 med Gudrun Høie, fødd på Herla 5-5 1922, dotter til Rasmus og Elisabet Høie. Harald Søyland tok over ein part av farsgarden, bnr. 2, i 1932. Barn:
1. Tora Lise Søyland, f. 29-11 1944.
 2. Gudveig Søyland, f. 18-5 1946.
 3. Ruth Søyland, f. 1-8 1950.
56. Monrad Søyland, bror til 55., f. 27-7 1909. Gift 1936 med Inger Varden, f. i Varhaug 1-4 1910, dotter til Ivar Kristoferson Varden og kona Taletta Larsdtr. Monrad Søyland tok over ein part av farsgarden, Solhaug, bnr. 14 og 15 i 1936. Barn:
1. Henrik Søyland, f. 26-8 1937, gift 1965 med Kirsten Marie Larsen.
 2. Ivar Søyland, f. 17-6 1940, gift 1968 med Berit Karin Myse, Torvastad.
 3. Tordis Søyland, f. 20-5 1942.
 4. Trygve Søyland, f. 17-12 1945.
57. Magnus Moi (sjå Njærheim 152. 7.), f. 9-1 1919. Gift 1951 med Nikoline Anda, fødd i Klepp 24-5 1923, dotter til Peder Siverson Anda og kona Ingeborg Sofie, f. Tu. Magnus Moi er lærar ved Jordbruksskulen på Øksnevad. Han tok over bnr. 1 på Søyland, Annarbakken, av faren som hadde kjøpt av Eivind Eivindson (50.) i 1937. Eg er ikkje heilt viss om at dette er rett. Barn:
- Magnar Moi, f. 22-9 1952.
58. Magnus Gudmestad, (sjå Næsheim 114. 8.) f. 28-10 1902, d. 7-5 1967. Gift 1946 med Anna Fatnes, f. i Sand 6-10 1908, — dotter til Andreas og Ingeborg Fatnes. Magnus Gudmestad kjøpte bnr. 3 og 18 i 1938 av enkja og arvingane etter Ingebret Søyland (44.) Barn:
1. Ove Tobias Gudmestad, f. 10-3 1947.
 2. Aud Ingeborg Gudmestad, f. 10-3 1947.
59. Sverre M. Søyland, son til Mikal Severin Søyland (40. 5.), f. i Kristiansand 9-3 1902. død. Sverre Søyland tok over bnr. 4, Marknes i 1925, denne parten hadde høyrte til Lars Rasmusson, men eg veit ikkje kven som hadde hatt det før Sverre. Sverre Søyland var ugift. Han vart påkøyrd av ein bil eller motorsykel og drepent.
60. Jon J. Bø, son til 51., f. 3-5 1917. Gift 1941 med Magnhild Njærheim, f. 9-11 1919, d. 6-4 1963. (Njærheim 143. 6.) Jon Bø tok over bnr. 7 Hauane av faren i 1951. Barn:
1. Anfinn Bø, f. 23-5 1941.
 2. Jonas Bø* f. 8-7 1943.
 3. Per Jan Bø, f. 14-2 1946, gift 1965 med Kari Braut, Klepp.
 4. Anny Bø, f. 21-9 1948, gift 1965 med Georg Bill.
 5. Ingerd Bø, f. 11-12 1950.
 6. Møyfrid Bø, f. 15-12 1952.
61. Peder J. Bø, bror til 60., f. 3-1 1922. Gift med Astrid Voll, f. i Klepp 24-10 1924, dotter til Adulv og Berta Voll. Peder Bø brukar ein liten part av Hauane, bnr. 22 og 23, som han tok over i 1950. Barn:
1. Joleiv Bø, f. 23-2 1944, gift 1967 med Eva Kirstine Johannesen, Stavanger.
 2. Harald Bø, f. 24-12 1945, gift 1967 med Aud Karen Tungvik, Stavanger.
 3. Anne Brit Bø, f. 6-8 1948, gift 1966 med Olav Aniksdal, Varhaug.
 4. Asta Bø, f. 27-4 1951.
62. Alfred Njærheim (Njærheim 142. 3.), f. 5-4 1915. Gift med Borghild Gjerstad, f. i Kvinesdal 29-7 1917, dotter til Abraham og Elise Gjerstad. Alfred Njærheim har ein liten part, Solbakken, (av bnr. 6) som han tok over i 1946. Han er vegvaktar, eller har vore. Barn:
1. Alf Njærheim, f. 3-11 1941, gift 1964 med Bjørg Hilda Ingvaldsen.
 2. Arvid Njærheim, f. 16-8 1945.
 3. Egel Njærheim, f. 27-12 1947, gift 1968 med Berit Kverneland.
 4. Anne Lise Njærheim, f. 9-11 1954.
 5. Bjørn Asle Njærheim, f. 9-11 1954.
63. Anker Njærheim (Njærheim 143. 7.), f. 8-8 1922. Gift 1949 med Ranveig Nord-Varhaug, f. 23-8 1923 (N. Varh. 42. 6.). Anker Njærheim er målar. Han tok over ein liten part på Søyland, Grønhaug, bnr. 24, i 1951. Barn:
1. Irene Njærheim, f. 8-6 1950.
 2. Ruth Njærheim, f. 3-7 1952.
64. Einar E. Søyland, son til 50., f. 26-6 1917, gift 1939 med Anna Johanna Bø, f. 3-12 1919 (51. 4.). Einar Søyland har hus og grunn på Søyland, bnr. 21. Han er anleggsarbeidar. Barn:
1. Egil Jan Søyland, f. 11-3 1940, gift 5-8 1961 med Edith Vigre.
 2. Aasa Søyland, f. 27-1 1943, gift 1966 med Erling Ueland.
 3. Eva Søyland, f. 19-1 1947.
 4. Kåre Søyland, f. 1-9 1951.

65. Ole E. Søyland, bror til 64., f. 9-11 1927, sjåfør. — Gift med Marta Teodora Jerstad, Kvinnesdal.

66. Tobias T. Nærland (Nærland 46. 5.), f. 25-9 1893. Gift 1916 med Elen Maria Henriksen, fødd i Stavanger 25-4 1893, dotter til Henrik og Kirsten Henriksen. Tobias Nærland kjøpte Kaffihodl, gnr. 2, bnr. 1, av Johannes Olson Sirevåg (48.) i 1917. Han er kanskje den største kyllingoppalar i landet. Barn:

1. Gerd Nærland, f. 26-7 1917, gift 21-10 1944 med Steinar Fredriksen.
2. Tor Nærland, f. 1-2 1919 (67.).
3. Kirsten Nærland, f. 10-9 1920.
4. Helga Nærland, f. 1-4 1922, gift 1946 med Arne Marvik, f. i Sand 1917.

5. Henrik Nærland, f. 17-6 1924.

6. Kåre Nærland, f. 16-10 1928.

7. Tordis Marie Nærland, f. 28-12 1929, gift 1953? med Karl O. Våland, Bryne.

8. Harald Nærland, f. 10-4 1933, d. 1943.

67. Tor Nærland, son til 66., f. 1-2 1919. Gift 1947 med Ingrid Lode, f. 1-1 1922 (Lode 81. 4.). Tor Nærland brukar Kaffihodl saman med faren, men har eige hus. Barn:

1. Ellaug Nærland, f. 3-8 1945, gift 16-1 1965 med Svein Orre.
2. Ingebjørg Nærland, f. 27-5 1949, gift 1966 med Arnstein Nord-Varhaug på Varhaug (Kydland 47. 2.).
3. Ein son omkom (trafikkulukka).

G.nr. 5. Høyland

Høyland hørde til Njærheim sokn og Haugland skipreide. Namnet kjem truleg av høy, så der må ha vore godt slåtteleland. Ein part av Høyland har vore kalla Rugland, truleg ein gard som ei tid har vore sjølvstendig, men sidan har lege øyde og deretter gått opp i Høyland. Til Høyland høyrer ellers Bækkeheien som no har eige gards nr. 4. Dessutan finst plassnamna Osen, Bruholen, Oddebakken, Storerullen, Svimbel, Sandviksholen, — som alle opphaveleg var husmannsplasser.

Etter gamalt var landskulda for Høyland 4 pund korn. Det er Herr Jens Godzen som står som eigar av heile Høyland frå 1723 og truleg før den tid, og sidan arvingane hans, til kring 1760-åra. I ei odelsjordebok for 1617 er desse nemnde som eigarar av Høyland: Enckenn Høylandt, Thostenn Jøssen og Joenn Thødtlandt. I seinare tid frå kring 1800 har eigarar og brukarar yinsa mykje på Høyland, og det har vore vanskeleg å halda greie på kven som til kvar tid har ått og brukt dei ymse bruka.

NAMNEREGISTER

1. Salve Høyland
2. Odd Høyland
3. Bjørn Høyland
4. Olluff Høyland
5. Svein Høyland
6. Ivar Høyland
7. Doritte Høyland
8. Aage Høyland
9. Knut Høyland
10. Olluff Høyland
11. Sennevje
12. Albret Olson
13. Frants Olson
14. Elling Olson
15. Bård Torkelson
16. Ola Tolleivson

17. Herman (Gjermund)
18. Ingebret Nilsson
19. Karl Johannesson
20. Ola Pederson
21. Torstein Pederson
22. Bjørn Sigbjørnson
- 22B. Laurits Høyland
23. Nils Håvardson
24. Lars Olson Skjærpe
25. Jon Frantsson
26. Albret Albretson
27. Ola Larsson
28. Frants Jonson
29. Otto Albretson
30. Lars Frantsson
31. Ole Johannesson
32. Josef Taraldson
33. Omund Olson
34. Hans Olson
35. Tore Toreson
36. Ola Pederson
37. Sven Larsson Fotland
38. Ola Larsson Høyland
- 38B. Salve Salveson
39. Ola Rasmusson Reime
40. Tolleiv Olson Ueland
41. Antonius Larsson
42. Rasmus Håvardson Re
43. Nils Nilsson Oma
44. Salomon Hansson Heien
45. Hans Ellingson (Bø)
46. Lars Pederson
- 46B. Jon Olson Høyland
47. Ola Halvardson (Årestad)
48. Ola Olson Høyland d. e.
49. Halvard Olson Høyland
50. Jon Enokson Stangeland
51. Peder Aslakson Heien
52. Hans Pederson Ueland
53. Josef Josefson Boknberg
54. Ola Olson Braut
55. Johannes Ellingson Hognestad
- 55B. Omund Toreson Skjærpe
56. Ola Olson Salte

57. Ola Olson Heien
 58. Tore Monsson Haugland
 59. Ola Nilsson Næsheim
 60. Rasmus Pederson Oma
 61. Ola Berntson Øvregård
 62. Ingebret Pederson Bekkeheien
 63. Hans Ingebretson Haugland
 64. Peder Salomonson Heien
 65. Jesper Johannesson Tunheim, Heien
 66. Jon Rasmusson Høyland
 67. Sven Olson Høyland
 68. Sven Olson Bekkeheien
 69. Eivind Larsson Langholen
 70. Ole-Johannes Olson
 71. Ola Olson Næsheim
 72. Enok Jonson Bekkeheien
 73. Rasmus Pederson Salte
 74. Gustav Andersson Fogleberg
 75. Halvard Johannesson
 76. Peder Jonson
 77. Omund Svenson Pollestad
 78. Erik Pederson Salte
 79. Ola Henrikson Hårr
 80. Tolleiv Henrikson Hårr
 81. Mikkel Mikkelsen Heien
 82. Tolleiv T. Undheim
 83. Endre Taraldson Bilstad
 84. Rasmus Jonson
 85. Gabriel Eivindson
 86. Rasmus Ingebretson Heien
 87. Andreas Olson Høyland
 88. Omund Omundson Njørheim
 89. Abraham Hansson Risa
 90. Jon Toreson Høyland
 91. Tore Toreson Høyland
 92. Tore Toreson ?
 92B. Rasmus Samuelson Næsheim
 93. Elling Enokson Heien
 94. Hans Vikanson Steinsland
 95. Jakob Elias Håvardson
 96. Johannes Jespersion Heien
 97. Knut Tjærandson Nærland
 98. Ola Olson Salte
 99. Ola Svenson Høyland
 100. Tov Kittelson
 101. Mikkel Pederson Heien
 102. Elling P. Steinsland
 103. Siver Torstenson Heien
 104. Torkel Torkelson Undheim
 105. Peder Monsson Haugland
 106. Lars Eivindson Høyland
 107. Sven Svenson Heien
 108. Tobias Svenson Heien
 109. Eivind Eivindson
 110. Ola Ole-Johannesson
 111. Sven Monsson Skretting
 112. Rasmus Olson Salte
 113. Ola Olson Kydland
 114. Andreas Kristenson Næsheim
 115. Karl Olai Rasmusson
 116. Kornelius Rasmusson
 117. Ola Pederson Rimestad
 118. Isak Olson Vatsbotn
 119. Tønnes Eivindson Frøyland
 120. Omund Omundson Rimestad
 121. Tønnes Gabrielson Høyland
 122. Mikal Pederson Heien
 123. Ola Gabrielson Rimestad
 124. Tjærand Rasmusson
 125. Gabriel Rasmusson
 126. Peder Toreson
 127. Peder Svenson Skansen
 128. Ole-Andreas Pederson
 129. Halvard Halvardson
 130. Tolleiv S. Bekkeheien
 131. Albret Torkelson Tu
 132. Ola Andreasson Høyland
 133. Ola R. Bekkeheien
 134. Laurits Larsson
 135. Lars Larsson
 136. Johannes J. Heien
 137. Gabriel G. Pollestad
 138. Ola Olson Salte.
 139. Hans Mikal Ellingson
 140. Lars Albretson Øglænd
 141. Ole Pederson Sæland
 142. Elling Jonson Rugland
 143. Ole Olson Oddebakken
 144. Elias Olson Høyland
 145. Ola Olson Høyland
 146. Jonas Jonasson Lindal
 147. Kristian Abrahamson Åse
 148. Karl Mandius Andreasson
 149. Rasmus Ingebretson Njørheim
 (Eli-Rasmann)
 150. Johannes Ellingson Bekkeheien
 151. Peder Ellingson
 152. Omund Olson Høyland
 153. Ole Eivindson Høyland
 154. Elias Eivindson Høyland
 155. Bernt Tobias Tovson
 156. Karl Olai Karl Olaison
 157. Tobias Olson Høyland
 158. Isak Olson Valdeland
 159. Ole Olson Sæland
 160. Elling Olson Sæland
 161. Olaus Olson Salte
 162. Søren Bertinius Svenson Lode
 163. Sven Pederson Høyland
 164. Ole Eliasson Høyland
 165. Andreas Olson Mellemstrand
 166. Andreas Torgerson Bekkeheien
 167. Helmik Halvardson Høyland
 168. Adolf Halvardson Høyland
 169. Rasmus Gabrielson Høyland
 170. Jon Jonson Bekkeheien
 171. Tore Pederson Høyland
 172. Gabriel Tønnesson
 173. Rasmus Gabrielson Pollestad
 174. Ole Olson Bekkeheien
 175. Elling Johannesson Bekkeheien
 176. Ole Johannesson Heien

177. Ole Pederson Håland
178. Jonas Mandiusson
179. Jørgen Olson
180. Johan Andreas Halvardson
181. Karl Johan Pollestad
182. Torkel Rugland
183. Enevald O. Høyland
184. Peder Bertin Høyland
185. Olaf O. Høyland
186. Johannes O. Høyland
187. Tobias Mellemstrand
188. Halvor H. Høyland
189. Gabriel Pollestad
190. Gabriel R. Høyland
191. Sven I. Valdeland
192. Ole I. Valdeland
193. Johan Valdeland
194. Arne Bekkeheien
195. Paul Høyland
196. Edvard Sola
197. Ole Gabriel Høyland
198. Nils S. Høyland
199. Ole Karlson Mathingsdal
200. Torger M. Salte
201. Sverre Mellemstrand
202. Eivind L. Høyland
203. Ole Nilsson Bleskestad
204. Gabriel Mathingsdal
205. Andreas Mellemstrand
206. Ole Jørgenson Høyland
207. Tom Salte
208. Lars G. Høyland
209. Hans Kvitvær
210. Tobias O. Høyland
211. Edvin Ueland
212. Olav O. Bekkeheien
213. Sven A. Bekkeheien
214. Otto O. Bekkeheien
215. Arne O. Bekkeheien
216. Bertinius Salte
217. Teodor Bekkeheien
218. Arthur Pollestad
219. Torger Bekkeheien

1. Salve er nemnd på Høyland i 1519 og 1521.

2. Odd Høyland 1519 og 1521.

3. Bjørn Høyland nemnd 1519.

Så er ingen nemnd på Høyland før 1563. Då var der 5 mann:

4. Oluff Høyland.

5. Svein Høyland.

6. Ivar Høyland.

7. Doritte Høyland har truleg vore enkje.

8. Aage Høyland. Kunne kanskje vore Høyland i Time. Han hadde ein son: Jon Høyland, og hans dotter: Malena Jonsdr. var gift med Helge Særheim i Klepp.

9. Knut Høyland er nemnd 1603 og 1613. Han skatta 10 dalar og gav leidang y² pund korn i 1624. I 1627 var han domsmann på skipreidtinget.

10. Oluff Høyland, 1603/1613, brukte 4 spand og skatta 10 dalar. Kona hans heitte Joron, og me veit om 4 søner:

1. Albret Høyland (sjå nr. 12).

2. Frants Høyland (nr. 13).

3. Johannes Olson Vigrestad. (Vigrestad nr. 9.)

4. Otto Høyland, lagnad ukjend.

11. Sennevje Høyland gav y² pund leidang i 1624. Eg trudde dette var enkja etter nr. 10. Men i 1626 er nemnd **Severin Tøgerson**, — som brukte 6 spand i Høyland og hadde styksønene Albret og Frants Høyland. Kona hans heitte Joron, og ho var sjølvsagt Oluff si enkja. Sennevje må vera ei misstaving for Sevrin. Sevrin Tøgersen hadde i 1635 stevnt styksønene Albret og Frants Høyland for Retten for dei hadde teke frå han "hans gaard Høiland". Det vart ein lang strid om dette, og partane møtte på mange ting heilt til 1638. Albret Høyland, som nok var den stridaste av brørne, fekk mange dommar over seg. Kanskje den **Enckenn Høylandt** som er nemnd i Odelsjordeboka i 1617 var Joron, enkja etter Oluff (nr. 10) og som sidan vart gift med Severin Tøgerson. — Severin åtte ellers 6 spand i Time i 1626.

12. Albret Olson Høyland (son til nr. 10) er brukar på Ployland i 1645 og 1665. Han brukte 4y[>] vett eller 27 spand. Han var 67 år i 1665 og døde i 1678. Skifte etter han var 2-3 det året. Kona heitte Barbro Snaredtr. Ho døde i 1679. Det er uvisst kvar ho var frå. Men me veit ho hadde 2 systre, Anna, gift med Halvard Nærheim og Syneva som var gift i Stavanger. — Albret Høyland hadde stevnt Orm Bjorland til Haugland Skipreidting den 28. november. Orm var imot at Albret skulle få dotter hans til kona, fordi han meinte at Albret var ein ugudelig mann. Albret hadde stevnt mange vitne som hadde vore tilstades ved trulovinga millom Albret og Orm si dotter. Der er nemnde m. a. Olle Wiig, Askild Nerimb, Lauritz Nessem, som vitna at dei hadde ikkje høyrte noken "modsigelse

om forne troloffuelse" korkje frå Orm Bjorland eller "hans Qvinde eller pigen sielff". Albret lova, at om han ikkje fekk Elen Ormsdotter, så skulle ho aldri sitja glad med nokon annan. — Albret fekk henne nok ikkje. Heller ikkje kan det ha vore Elen Ormsdtr. det galt, for ho var alt gift med Isak Nærland. Truleg var det heller Guri Ormsdtr. Men kvar det sidan vart av henne er uvisst. Albret og Barbro Høyland hadde 4 barn som me veit om:

1. Otto og
2. Hans, — som begge var 12 år i 1665, døde før faren.
3. Albret Albretson Høyland (sjå nr. 26).
4. Kirsten Albretsdtr., gift 1) med Antonius Vigre, gift 2) med Elling Hansson Vigre. (Vigre 10. og 16.)

13. Frants Olson, bror til Albret, var 59 år i 1665, død 1674, skifte etter han 23-2 det året. Han var gift med Berit Ormsdotter Bjorland som der var skifte etter 1-3 1676. Frants brukte $3\frac{1}{2}$ vett eller 21 spand i 1665. I 1665 stevnte Frants Høyland, Karl og Ingebret Høyland for dei hadde slege høy på hans jord, og i 1667 stevnte han Johannes Gudmestad for ein dalar han skulda han. — Frants og Berit hadde 7 barn:

1. Jon Frantsson Høyland (sjå nr. 25).
2. Erik Frantsson Orre, f. 1650, gift med Anna Antoniusdtr. Næse.
3. Elling Frantsson Salte, gift med Malena Torkelsdtr. Salte.
4. Søren Frantsson, f. 1660, gift med Åsa Torgiersdtr. Friestad. Budde på Friestad i Klepp.
5. Lars Frantsson Næsheim (sjå Næsheim 31.).
6. Joron Frantsdtr., gift 1) med Hans Vig, gift 2) med Tørres Vig.
7. Elen Frantsdtr., gift med Lars Erikson Vig frå Nærland.

14. Elling Olson Høyland var brukar saman med Albret og Frants i 1645. Han er ikkje nemnd seinare.

15. Bård Torkelson er og nemnd i 1645. Til Haug fjerdingting den 6. mars 1640 hadde Ole Vig stemnd Bård Høyland for 2 dalar han skulda han. Bård påstod at han aldri hadde fenge ein skilling eller skillings verd av Ole Vig, men hans føremann (i ekteskapet) Salig Knut Høyland, hadde bunde seg til den skulda, og kona hans hadde født eit naut for han i 8 år for dei same pengane, og sjølv hadde han født eit naut for Ole i

eit år. Og då Knut døde var der meir enn 30 dalar i skuld etter han. Bård vart dømd å betala 1 dalar til Ole Vig. Av dette skynar me, at Bård var gift med enkja etter nr. 9. Der er ikkje nemnde barn korkje etter Knut eller Bård. — Bård var laugrettesmann i 1642. Er ikkje nemnd sidan.

16. Ola Tolleivson Høyland er nemnd i 1657. Han var gift med Anna Kristensdotter Lind, dotter til presten Kristen Lauritsson Lind til Bø kald. Der er ikkje nemnde barn.

17. Hermann eller Gjermund Høyland er nemnd i 1664. Han var fødd kring 1605, gift med Ingeborg Johannesdotter Vigrestad, sonedotter til nr. 10. Hermann døde kring 1670, og Ingeborg gift att med Lars Olson Høyland (sjå nr. 24). Av Herman sine barn veit me om ei dotter:

Barbro Hermansdtr., gift med Hans Ormson Steinsland.

Herman var husmann hjå Johannes Vigrestad i 1665 (sjå der 11.).

18. Ingebret Nilsson er nemnd på Høyland i 1665, då han brukte 1 pund. Kona er ukjend, men 2 barn er nemnde:

1. Laurits Ingebretson, f. 1660.
2. Nils Ingebretson, f. 1662.

19. Karl Johannessen Høyland var son til Johannes Vigrestad og soneson til nr. 10, fødd kring 1635, død 1688, skifte etter han 27-2 det året. Han døde på Vigrestad. Kona heitte Magia Olsdotter og var syster til Kirsten Olsdtr. som var gift med Sigbjørn Oгна. Karl brukte 1 pund i Høyland i 1665. Det var han og Ingebret Nilsson som farbroren Frant Høyland hadde stemnd for ulovleg høyslåt i 1665. — Karl Johannesson og Magia hadde 7 barn:

1. Ola Karlson, f. 1665, død før 1701.
2. Johannes Karlson, f. 1668, d. før 1701.
3. Barbro Karlsdtr., fødd 1672, gift med Anders Karlson Hadland i Oгна (sjå Vigrestad nr. 18).
4. Berit Karlsdtr., f. 1675, gift med Ådne Simonson, Ålgård.
5. Ingeborg Karlsdtr.?
6. Kirsten Karlsdtr., gift med enkjemann Jon Larsson Næsheim (sjå der 38.).
7. Hans Karlson, f. 1686, livde i 1708.

20. Ola Pederson Høyland var son til Peder Olson Nord-Varhaug (N.-Varhaug 12. 2.). Han var fødd kring 1650 og døde i 1676, skifte var 1-3 det året. Gift med

Anna Tormodsdr. Hobberstad (sjå Hobberstad nr. 23. 2.). Ho vart sidan gift med ein Erik. Ola hadde ikkje barn, men Anna fekk ein son med Erik:

Tolleiv Erikson Næsheim (sjå Næsheim nr. 33).

21. **Torstein Pederson** var husmann på Høyland i 1664, fødd kring 1600. Det er uvisst kven han var. Han er ikkje nemnd meir.

22. **Bjørn Sigbjørnson** var husmann på Høyland i 1701. Han var fødd kring 1650. 2 barn er nemnde:

1. Torstein Bjørnson Torland (sjå Torland 25.).
2. Trond Bjørnson, f. 1691?

22 **B. Laurits Høyland** var husmann i 1697 og 1701. Han måtte vore ein gamal mann då. Han hadde 2 vanføre søner:

1. Ola og
2. Nils, — begge 40 år i 1701. Dei budde då hjå Åsmund Tolleivson Njærheim.

23. **Nils Håvardson Høyland** var son til Håvar Kvia (sjå der 14.). Han var fødd kring 1660, død 1733, skifte etter han 3-11. Gift med Elen Svendsdotter, dotter til Sven Bjørnson Fosse i Time og kona Malena Rasmusdr., f. Re. Ho var den andre kona hans. Den første heitte Berit Rasmusdotter, ho var død i 1690. Han hadde ei dotter i første gifte og 3 i andre. Det er muleg at Berit Rasmusdr. hadde vore enkje på Høyland. Nils Håvardson brukte 1 pund som provsten Jens Godzen sine arvingar åtte. Barna var:

1. Karen Nilsdr., gift med Ola Johannesson Næse i Klepp.
2. Berit Nilsdr., død ugift 1747.
3. Anna Nilsdr., gift med Ola Johannesson Høyland (nr. 31).
4. Malli Nilsdr. var visst gift med enkjemann Knut Asbjørnson Auestad i Varhaug (sjå der nr. 18).

24. **Lars Olson Skjærpe** (sjå Skjærpe nr. 7) var fødd kring 1648, skifte 29-4 1709. Gift med enkja etter Herman Høyland, Ingeborg Johannesdotter, som der var skifte etter samstundes med Lars. Dei hadde 3 barn:

1. Kirsti Larsdr., gift med Ola Ellingson Auestad i Varhaug.
2. Maren Larsdr., gift med Gitle Gitleson Torland (Torland 23.).
3. Ola Larsson Høyland (sjå nr. 27).

25. **Jon Frantsson Høyland** var son til nr. 14). Han var fødd kring 1634 og budde

på Høyland i 1689, men var død før 1701. Kona er ukjend, men ein son er kjend: Frants Jonson Høyland (28.).

26. **Albret Albretson Høyland** var son til nr. 12. Fødd kring 1658, skifte etter han 13-9 1735. Gift med Gitlaug Einarsdotter. I 1694 gav han frå seg 3 spand til syskenbarnet sitt, Jon Frantsson, for 13V2 Riksdalar. Sjølv brukte han 1 pund, 12 spand som Jens Godzen si enkje åtte og 12 sp. som madam Prahl åtte. Dette samsvarer med dei 27 spand som faren hadde brukt. Albret og Gitlaug hadde 5 barn:

1. Otto Høyland (sjå nr. 29).
2. Ola Albretson, var død før 1735 utan barn.
3. Albret Albretson Njærheim (sjå Njærheim nr. 56).
4. Anna Albretsdtr. var ugift i 1735.
5. Barbro Albretsdtr, gift med Ola Larsson Høyland (nr. 27).

27. **Ola Larsson Høyland** var son til 24. Han var fødd kring 1677, Gift 1702 med Barbro Albretsdotter (nr. 26. 5.). Der er ikkje funne skifte etter dei. Ola Larsson brukte 1 pund som Jens Godzen si enkje åtte, truleg det same som stykfaren brukte. Den 27. november 1725 hadde Ola Høyland stemnt Mons Lende for han hadde "bemægtiget" seg eit spand korns landskyld i garden Lende, som var Ola sit odelsgods, utan Ola sitt løyve og utan at han hadde betalt byksel eller landskyld. Ola kravde at Mons skulle gjeva frå seg dette spand kornskyld med siste års avl. Mons viste fram bykslebrev for 9 spand i Lende, som han hadde frå Peder Josefson (Bø) datert 19-2 1723. Korleis Ola Larsson kunne eiga odelsgods i Lende kan eg ikkje skyna. Var kanskje farfar hans, Ola Jonson Skjærpe komen frå Lende? Den 29. november 1727 hadde Ola sin verfar, Albret Høyland, stemnt Ola for retten for han hadde æreskjelt han. Hans Hansson og Jakob Erikson vitna, — at dei hadde høyrte at Albret spurde Ola kvifor han leide tilbake det naut som han etter avtale skulle føda for han. — Då svara Ola: Det gjer dei toskar, kona og døtrene dine, og var eg drukken i går, er eg i dag og. Du er ein ærelaus skjelm, det skal eg for dom og Rett bevisa, og kona di har spilt giftermål for meg og eit anna for Hans Skjærpe si dotter, så ho er vorten galen". Dette hende ein morgon då Ola Høyland stod og klædde seg, og vitna skyna ikkje at Ola då var drukken. Ola møtte for Retten og tilstod at han hadde forbrote

seg mot Albret, og bad om årsaking. Ola Larsson døde i 1731. Der er ikkje funne skifte etter korkje han eller Barbro. Han hadde brukt det pund i Høyland som verfaren hadde brukt, og som enkja hans Jens Godzen åtte. Truleg var dei fylgjande deira barn:

1. Hans Olson Høyland (sjå nr. 34).
2. Rasmus Olson, f. 1707, nemnd i 1728, men ikkje seinare.
3. Lars Olson, lagnad ukjend.
4. Ingeborg Olsdtr., lagnad ukjend.
5. Gitiaug Olsdtr., lagnad ukjend.
6. Barbro Olsdtr., gift 1) med Halvard Olson Hognestad, gift 2) med Per Torkelson Grøtheim (Hognestad), gift 3) med Herman Ellingson Hognestad, seinare Vestly.

28. **Frants Jonson Høyland** var son til 25. Han var fødd kring 1675, død før 1733. Gift med Ingeborg Larsdotter Orre, dotter til Lars Erikson Orre frå Nærland (sjå Nærland 9. 3.). — Frants Jonson byksla 1 pund i Høyland etter faren. 4 barn:

1. Jon Frantsson Salte, fødd 1696, gift 1) med Elen Olsdtr., gift 2) med Anna Pedersdtr., som seinare vart gift med Tore Jonson Skrettingland.
2. Lars Frantsson Høyland (sjå nr. 30).
3. Elisabet Frantsdtr., gift med enkjemann Jens Nilsson Sunde.
4. Elling Frantsson Salte, gift med Malena Torkelsdtr. Salte. Ho vart seinare gift med Ola Olson Salte.

29. **Otto Albretson** var son til 26. Han brukte 1 pund i Høyland etter Ola Larsson frå 1742 til 1749, men er komen til Njærheim i 1750. Otto var gift i Time i 1749 med Joron Bårdsdotter? Men han må ha vore gift ein gong før, for i 1758 er nemnde nokon som må ha vore hans barn, Malena Ottesdtr. på Njærheim, 19 år gamal, og ein Otto Otteson på Høyland, 14 år. R. A. Håland har meint at Frants Otteson på Harveland i Håland og må ha vore son til Otto Høyland.

30. **Lars Frantsson Høyland**, son til 28., er nemnd på Høyland frå 1742 til 1745, då han brukte 1 pund. Han var fødd kring 1698. — Gift med Kari Olsdotter (Hodne?). I 1758 budde dei på Reve. Denne parten låg øyde i 1746, og då åtte Peder Skrøder godset. — Løytnant Bredahl brukte det visst og ei tid.

30 B. **Rasmus Rasmusson Høyland** "som bruker en part i Høyland", er kravd for

skuldig kyrkjetiend til Laurits Smith i Stavanger for åra 1734, 1735 og 1736, i alt 2 ort 12 skilling. I 1736 hadde Madam Schieldrup i Stavanger "ladet indstevne" Rasmus Høyland for "reaserande" landskuld og annor skuld for åra 1731 til 1735, i alt 6 riksdalar 2 ort 12 skilling. Rasmus si kona møtte for Retten og tilstod skulda, som Rasmus vart tildømd å betala innan 15 dagar. Sidan høyrer me ikkje meir gjete denne Rasmus og kjenner ikkje meir til han.

31. **Ole Johannesson Høyland**, f. på Næsheim er nemnd i futerekneskapen frå 1742. Det er uvisst kvar han var komen frå. Han var fødd kring 1698, død 1771, skifte etter han 23-3 det året. Han var gift 1) med Anna Nilsdotter Høyland (nr. 23. 3.). Var ho kanskje enkja etter Rasmus Rasmusson? Ho døde i 1751. Så gifta han seg 2) med Herborg Toresdtr. Opstad (sjå der 28. 4.). Ho var fødd kring 1732. Ho var over 30 år yngre enn Ola. Han byksla 1 pund i Høyland av madam Prahll i 1733 etter verfaren Nils Håvardson, men er, som nemnt, ikke omtala i futerekneskapen før 1742. Seinare står han med 1 pund og 8 spand som Peder Skrøder åtte. I 1756 kjøpte han dei 8 sp. av presten Diurhus på Haa. I 1749 er 2 pund oppført som øydegods, og Ola Johannesson og løytnant Bredahl med 1 pund kvar, som Anders Jonson Liknes og Hans Josefson Tjøstvold åtte. — I ei rettsak i 1745, der Ola Johannesson var vitne, får me vita at han var fødd på Næsheim. I 1734 var han soldat. Han har truleg vore son til Johannes Olson (Næsheim nr. 36). Han let etter seg ein son i første gifte og 2 døtre i andre:

1. Nils Olson, fødd kring 1731, lagnad ukjend.
2. Anna Olsdtr., f. 1755, gift med Halvard Olson Høyland (nr. 49).
3. Kari Olsdtr., f. 1763, gift med Ola Olson Høyland (nr. 48).

32. **Josef Taraldson Haugland** var komen til Høyland i 1742. Han var son til Tarald Olson Haugland i Time, som var frå Bø. (Sjå Bø 25. 1.) Josef var fødd kring 1708, død på Haugland i 1768. Gift 1) 1730 med Kari Larsdtr. Øvre Haugland som døde i 1740, gift 2) 1741 med Malena Asbjørnsdotter Reiestad, fødd kring 1712, død 1770. (Sjå Reiestad, Varhaug nr. 15.) Josef byksla 12 spand i Høyland av Elisabet Godzen i 1734, men han brukte 1 pund. I 1768 var han komen til Øvre Haugland, og enkja brukte 1 pund og

6 spand i Haugland etter Josef var død. Josef Taraldson hadde 3 barn i første gifte og 9 i andre. Her skal me berre nemne dei som vart gifte:

1. Lars, f. 1734, gift med Turid Olsdr., budde på Folkvor.
2. Kirsten, f. 1731, gift med Ola Jakobson Nærland, Finnøy.
3. Asbjørn (av andre gifte), f. 1743, gift 1) med enkja etter Asgaut Njærheim, Herborg Eriksdr., gift 2) 1798 med enkja Barbro Larsdr. Fosse, gift 3) 1800 med Marta Tollaksdr. Grøtheim i Time.
4. Tarald Josefson Haugland, f. 1745, gift 1) 1770 med Torborg Aslaksdr. Vestly, gift 2) 1801 med Marta Halvardsdr. Høyland i Time.
5. Anders Josefson Oma, fødd 1746, gift 1776 med enkja etter Peder Olson Oma, Anna Knutsdr. frå Reiestad i Varhaug.
6. Mons Josefson Haugland, f. 1751, gift 1781 med Ingeborg Olsdr. Auglænd. Deira son var Josef Monsson Skretting (sjå Skretting, Varhaug).
7. Ola Josefson Haugland, f. 1755, gift med Torborg Pedersdr. Ueland.
8. Malena Josefsdr., f. 1760, gift med Ola Monsson Haugland.

(Den 5. mars 1742 hadde madam Schieldrup i Stavanger stemnt Josef Høyland for skuldig landskuld for 1737. — Josef synte kvittering frå madam Schieldrup fram til 1736. Sidan sa han at han hadde betalt til Sven Seiglem for eitt år.)

33. **Omund Olson Høyland** var son til Ola Erikson Reiestad og kona Kirsten Gabrielsdotter (sjå Reiestad 16. 2.). Han var fødd kring 1718, død 1774, skifte 23-2. Gift med Kirsten Håvardsdr., fødd kring 1730, dotter til Håvard Olson Re og kona Marit Olsdr. Omund Olson fekk skjøte på 16 spand i Høyland av Ola Larson (nr. 27) i 1758, og i 1761 selde han 16 spand til Jakob Meelhus i Eigersund for 28 Riksdalar. Same tid selde Ola Larsson 16 spand til Jakob Meelhus for 28 Rdr. I 1768 brukar Omund Olson alt, 1 pund og 8 spand. I 1757 hadde Bendix Diurhuus seldt 1 pund og 8 spand til Jakob Meelhus, dei 8 spand av det såkalla Josef-pundet. — Så døyr Jakob og i 1766 kjøpte Omund Olson si dødsbu 21 $\frac{1}{3}$ sp. i Høyland for 42 Rdr., og Ola Larsson kjøpte like eins 2 $\frac{1}{3}$ spand. Ved skiftet etter Omund i 1774 vart 16 spand i Høyland utluta med 4 spand til Gabriel Nærland, 8 spand til Anna Bårdsdr. 2 spand til Rasmus Nærland og 2 spand til Tjæ-

rand Paulson Nærland. Der skulle då vore att 5 $\frac{1}{3}$ spand, som truleg gjekk til enkja. Omund og Kirsten hadde hatt ein son: Ola, som døde før faren.

34. **Hans Olson Høyland** var son til Ola Larsson (nr. 27). Han var fødd kring 1700 og døde i 1756, skifte 3-5 det året. Han var gift med Anna Osmundsdotter Njærheim (Njærheim 42. 2.) som seinare vart gift med Tore Toreson (nr. 35). Hans Olson hadde brukt dei 1 pund og 8 spand som Omund Olson hadde teke over i 1758. Dei hadde ei dotter:

Inger Hansdr., f. 1747, ho døde som enkje og fattiglem hjå Salomon Hansson Heien i 1840, 96 år gamal.

35. **Tore Toreson** var vel son til Tore Toreson Line og første kona Eli Olsdr. Han var fødd i 1727. — Gift 1756 med enkja etter Hans Olson (34.). I 1758 byksla han 1 pund og 8 spand av Jakob Meelhus, som Ola Johannesson hadde brukt før. I 1778 brukar han 16 spand som Henrik Monsson Vig åtte. I 1779 har Antonius Larsson teke over dei 16 spand. Sidan er dei ikkje nemnde på Høyland.

36. **Ola Pederson Høyland**. Han er ein mystisk mann. Han døde i 1785, og der vart halde skifte etter han den 24-6 det året. Det er uvisst kva tid han kom til Høyland. Han er ikkje nemnd i futerekneskapen, det kan tyda på at han var husmann. Ved skifte etter han står det at han åtte hus i Stavanger. Truleg er han den same Ola Pederson som er på Ytre Salte i 1758, 40 år gamal. I 1767 byksla han ein husmannsplass, Saltved Øde under Nærland (Refsnes). Ola Pederson var gift 1) med Anna Toresdr., fødd kring 1718, død 1776, skifte 20-6. Ho var søster til Ola Toreson Erga. Gift 2) med Marit Adnesdr. (truleg dotter til Amund Olson Varhaug) (sjå S. Varhaug 38. 2.). Ho var fødd kring 1729. I 1801 budde ei enkje, Marta Hansdotter på Høyland i eit hus for seg sjølv, 74 år gamal, og 5-2 1803 vart gravlagd enkja Marta Anensdr. Høyland, 75 år gamal. Desse 2 har vel vore den same som enkja hans Ola Pederson Høyland. — Marit Anundsdotter Varhaug var 30 år i 1758 og tente då på Obrestad. Ola Pederson Høyland hadde 4 barn i første gifte:

1. Peder Olson, f. 1744, gift med Anna Ellingsdr. Vigre (Vigre 26.). — Han budde på Trones i Høyland. Anna gift 2) med Peder Pederson Myrland. Deira

son var Elling Pederson Lura, gift med Ingeborg Olsdr. Gudmestad (Gudmestad 24. 1.).

2. Jens Olson Høyland, f. 1757. død før 1785.
3. Ranveig Olsdotter, f. 1754, verge for henne var Ola Monson Nærland.
4. Guri Olsdr., f. 1762, verge var Isak Tjærandson Søyland.
(Enkja sitt laugverge var Ola Ånundson Varhaug.)

37. Sven Larsson Fotland var son til Lars Svenson Fotland i Time og kona Karen Olsdr. Han var fødd kring 1718, død 1767, skifte etter han 18-3 det året. Gift 1739 med Guri Omundsdotter, fødd kring 1708, trulovavar var Berdines Løge og Lars Netland. Guri var kanskje den Guri, dotter til Omund Mikkelson Tjensvoll, som var 1 år i 1710? Sven var kalla Sven Larsson Heien under Høyland i Hauglands skibrede, då skiftet var halde, så han har nok vore husmann på Heio. Han er då heller ikkje nemnd i Futerekneskapen. Ved skiftet er nemnd ein son:

Lars Svenson, som var død, men hadde ein son: Lars Larsson, ein månad gamal. Verge var farbroren Ola Larsson Høyland. (Lars Svenson tente på Haa i 1758?)

38. Ola Larsson Høyland var bror til Sven Larsson. Han var fødd kring 1722, død 2-1 1800. Gift i Time 1) 1750 med Sara Jonsdotter Vestly, fødd kring 1710, død på Høyland 1773, dotter til klokkar i Time, Jon Tjærandson Vestly frå Grødaland i Nærbo, (sjå Grødaland 10. 3.). Gift 2) med Ingeborg Larsdotter, fødd kring 1741, død 30-4 1836, dotter til Lars Jensson Øgard i Orre frå Næsheim (sjå Næsheim nr. 34. 6.). I 1751 byksla Ola Larsson Fotland 1 pund i Høyland av Bendix Diurhuus, og i 1756 fekk han skjøte på 1 pund og 8 spand av Diurhuus samstundes med Ola Johannesson. Dei gav begge 50 dalar for det. I 1766 selde Ola Larsson 21i/3 spand til Isak Rasmuson Stavnheim som han byksla alt av Isak, seinare av Tore Isakson Stavnheim. Ola Larsson hadde 1 son i første gifte og 3 søner og 1 dotter i andre:

1. Jon Olson, f. 1756, budde ei tid på Bækkeheien av Høyland. Sidan kom han bort, utan at me veit kvar det vart av han. Kanskje var han den Jon Olson Garborg som var fadder hjå Sven Olson Bækkeheien 20-12 1818?
2. Sara Olsdr., f. 1785, gift 1819 med Rasmus Monsson Haugland. — Sara

hadde 2 barn u. e.: 1. Andreas Andreasson Lode (sjå Lode nr. 49.). 2. Karen Knutsdr., f. 1803?

3. Ola Olson Høyland (sjå nr. 71).
4. Sven Olson Bækkeheien (sjå nr. 68).
5. Jon Olson Bjorland, f. 1789 (Bjorland 15.).

38 B. Ein Salve Salvesson byksla 15 spand av Tore Isakson Stavnheim etter Ola Larsson. Men han er ikkje nemnd i futerekneskapen. Og eg veit ikkje meir om han.

39. Ola Rasmuson Reime (sjå Reime nr. 16. 3.). Han var fødd kring 1730, død 1780, skifte 20-6. Gift med enkja etter Ola Johannesson, (31.) Herborg Toresdotter. Ho døde 20-12 1811, 85 år. Ola Rasmuson løyste inn dei 16 spand av stykdøtrene Anna og Kari i 1771, — og Herborg hadde dei andre 16 spand. Dei var barnlause.

40. Tolleiv Olson Ueland var son til Ola Svaleson (sjå Ueland 21.). Han var fødd kring 1740, død 1798. Gift 1) med enkja etter Omund Olson (33.) Kirsten Håvarsdotter. Ho døde i 1793, og så gifta han seg 2) 1794 med Maren Gunnarsdr. Motland, fødd kring 1765, — dotter til Gunnar Pederson (sjå Motland 15.). Tolleiv Olson åtte 16 spand. Han hadde 2 barn i andre gifte:

1. Anna Maria Tolleivsdtr., f. 1795, gift 1817 med Torjus Tolleiv Rovik, Hana.
2. Kirsten Tolleivsdtr., f. 1797, gift 1822 med Anders Olson, Hana.

Ved skifte etter Tolleiv Olson i 1798 var 16 spand i Høyland utlagt med 2 spand til Jon Tjølson Nærland, 2 spand til Tjøl Erikson Obrestad, 6 spand til enkja Maren Gunnarsdr. og 3 spand til kvar av døtrene.

41. Antonius Larsson var son til Lars Taraldson og Karen Antoniusdotter som var gifte i Stavanger i 1737. Karen var truleg dotter til Antonius Asbjørnson Åse og Kirsten Pedersdr. frå Stangeland i Klepp. Antonius Larsson var fødd i Stavanger i 1739, død 14-12 1804. I 1758 tente han hjå Ola Antoniusson Nedre Åse i Klepp. Han vart gift med Johanna Nilsdotter Salte, fødd kring 1748, død 7-4 1818, dotter til Nils Nilsson Store Salte og kona Karen Ellingsdotter. — Antonius Larsson byksla 16 spand i Høyland av Henrik Monsson Vig i 1778, som Tore Toreson hadde brukt. Tore og kona hans skulle ha folge av bruket. Antonius

vart nok ikkje verande lenge på Høyland. I 1789 var Nils Nilsson på denne parten, og Antonius budde sidan på Refsnes (sjå om han der nr. ??).

42. **Rasmus Håvardson Re** var son til Håvard Olson Re og andre kona Karen Einarsdotter. Han var då halvbror til Kirsten Håvardstr. (sjå nr. 40). Han var fødd i 1746, gift med Elen Jonsdotter Salte, fødd kring 1746, dotter til Jon Frantsson Salte frå Høyland og andre kona, (sjå nr. 28. 1.). Rasmus kjøpte 5y³ spand av Tore Toreson og 5y³ spand av Omund Olson i 1773. Dei budde på Høyland i 1801, men kyrkjebøkene syner ikkje at dei døde i Haa. Kan hende dei døde i 1825, — det året vantar kyrkjebøkene. — Rasmus Håvardson og Elen hadde 8 barn:

1. Karen Rasmusdtr., f. 1774, gift med Ingebret Pederson (sjå 62.).
2. Jon Rasmusson Høyland (sjå nr. 66).
3. Hans Rasmusson, f. 1780, gift 1805 med Ingeborg Gurie Theofilusdotter Søyland, skomakar i Stavanger, død 1808.
4. Rasmus Rasmusson, gift 1807 med Sara Rasmusdtr. Grøtheim (sjå Bjorland 8. 4.). Han var sjømann.
5. Anna Rasmusdtr., f. 1779, gift 1815 med enkjemann Ivar Pederson, bygningsmann i Stavanger.
6. Malena Rasmusdtr., gift 12-5 1820 med Rasmus Samuelson Næsheim. (Næsheim nr. 78.)
7. Elen Rasmusdtr., f. 1785, gift 2-11 1806 med Elling Samuelson Næsheim (Næsheim 77.).
8. Marta Rasmusdtr, f. 1788?

43. **Nils Nilsson** var truleg son til Nils Olson Oma i Time og kona Gjertrud Aslaksdtr. frå Norheim. Han var fødd kring 1742. I 1758 var han hjå mora og stykfaren, Hans Pederson, på Øvre Haugland. Han var gift 1) med enkja etter Ola Einarson Pollestad, Joron Olsdotter som døde i 1795, 61 år gamal. Gift 2) 1798 med enkja etter Elias Larsson Søre Tjemsland i Varhaug, Karen Ellingsdtr. frå Vigre (sjå Vigre 26. 2.). Nils Nilsson hadde teke over dei 16 spand i Høyland etter Antonius Larsson i 1789. Ein Hans Ellingson hadde kanskje brukt denne parten før Nils kom, men futerekneskapen har ikkje noko om det, og kva det kunne vore for ein Hans Ellingson er uvisst. — I 1801 budde Nils Nilsson på Heia under Håland i Varhaug, og Tore Tjærandson Nærland brukte dei 16 spand

i Høyland i 1800. Nils Nilsson hadde ei dotter i første gifte:

Gjertrud Nilsdtr., f. 1775, gift med Ola Størkardson Kydland (sjå Kydland i Varhaug nr. 23).

44. **Salomon Hansson Heien** var frå Njærheim (sjå der 57.). Han var fødd kring 1728, død 25-1 1810, 84 år gamal. Gift 1) med N. N. som var død før 1787. Gift 2) med Ingeborg Ellingsdtr. som døde 26-9 1818, 80 år gamal. — Salomon var husmann på Heia av Høyland. Han hadde 3 barn i første gifte:

1. Berta Salomonsdtr., f. 1762, død ugift i 1792.
2. Peder Salomonson Heien (sjå nr. 64).
3. Hans Salomonson, f. 1768, død ugift i 1792.

45. **Hans Ellingson** byksla dei 16 spand etter Antonius Larsson av Mons Vig i 1785. Det var etter han at Nils Nilsson kom på den parten. Skal eg ha noko meining om kva dette var for ein Hans Ellingson, så vil eg gissa på Hans Ellingson Bø. (Bø nr. 70.) Denne Hans Ellingson hadde butt ei tid på Næsheim, då han i 1793 flytte til Mauland. Han kunne vel ha vore på Høyland før han kom til Næsheim.

46. **Lars Pederson** byksla 16 spand av Tore Stavnheim i 1792, som Ola Larsson hadde brukt. Han var korporal. Gift med Karen Vikandsdotter Ånestad, fødd kring 1748. Det er uvisst kven Lars Pederson var. Han er ikkje nemnd på Høyland i futerekneskapen, så han budde nok ikkje lenge der.

46 B. **Jon Olson** var vel son til 38. Han var fødd kring 1756. I 1781 byksla han ^{51/3} spand i Høyland av Isak Stavnheim, som må ha vore ein part av det som Lars Pederson byksla i 1792. Jon Olson er ikkje nemnd seinare. (Sjå nr. 38. 1.)

47. **Ola Halvardson** var truleg son til Halvard Rasmusson Årestad (sjå Bø 49. 4.). Han byksla 5y³ spand i Høyland til Isak Stavnheim i 1784. Ikkje nemnd i futerekneskapen. — Han hadde butt på Næsheim (sjå der 59.).

48. **Ola Olson Høyland d. e.** var son til 47. Han var fødd på Årestad i Time i 1760, det er uvisst når han døde, kanskje i 1825. Han var gift med Karen Olsdotter Høyland (nr. 31. 3.) fødd kring 1763. Ola Olson åtte og brukte 18^{2/3} spand i

Høyland. Dei 16 spand hadde han fenge med kona etter Ola Rasmusson (nr. 39) som var stykfar hennar, og dei 2% spand hadde Tore Lende ått, og Ola Olson hadde kjøpt av han. Ola Olson d. e. og Karen hadde 9 barn:

1. Ole Johannes Olson Høyland (sjå nr. 70).
2. Herborg Olsdotter, f. 1785, gift 7-11 1819 med Ola Larsson (sjå Næsheim 68.).
3. Marta Olsdtr., f. 1788, ho var visst ikkje gift, men fekk 2 barn: 1. Margreta Torbjørnsdtr., f. 1816. 2. Anna Judite Isaksdtr., f. 1832, gift med Tore Toreson Høyland (nr. 91).
4. Ola Olson, f. 1790, gift i Jelsa 29-7 1829 med Siri Jonsdtr. Rottenes, 34 år.
5. Karen Berte Olsdtr., f. 1793, gift 19-10 1820 med Rasmus Pederson Salte i Klepp.
6. Anna Olsdotter, f. 1793. Ho var visst ikkje gift, men hadde ei dotter: Ane Ellingsdtr., f. 1824, gift i Stavanger 27-12 1866 men enkjemann Ole Johannes Ivarson frå Bergen.
7. Olina Olsdtr., f. 1795, gift 17-3 1822 med Sven Svenson Vigre. (Sjå Vigre 33. 7.)
8. Tabitta Olsdtr., f. 1797. Ho var ugift, men hadde 3 barn: 1. Guri Helena Hansdtr., f. 1-3 1818, gift med Elling Ellingson Kvaselbakken (sjå Hobberstad nr. 44), gift 2) med Sven Ellingson Bratland. 2. Elisabet Olsdtr., f. 19-7 1822. 3. Johannes Eliasson, f. 20-9 1828, gift 28-3 1856 med Marta Svensdtr. Litle Undheim. Budde i Stavanger. Mora, Tabitta Olsdtr. skulle etter Ola Aurenes vore gift med Elias Eilefson Reiestad, som var far til sonen Johannes Eliasson. Men det er tvilsamt om dei var gifte.
9. Berta Olsdtr., f. 20-4 1804.

49. **Halvard Olson Høyland** var bror til 48. Han var fødd på Årestad i 1757, død på Høyland 22-1 1825. Gift med Anna Olsdotter Høyland, fødd kring 1755, død 31-12 1829, dotter til nr. 31. Halvard tok over 16 spand med kona og kjøpte $22/3$ spand av Tore Lende i 1817. I 1826 var dødbuauksjon halden etter Halvard Høyland, — og då vart 9 spand og y^4 som Rasmus Pederson brukte, selt til Tollef Jonson Skeie for 40 dalar, og $9*4$ spand til den same for 95 dalar. — Sidan tok Torger Erikson Åse over desse $18y^2$ sp. Halvard Olson hadde ikkje barn.

50. Jon Enokson Stangeland var hus-

mann på Heia i 1801. Han var son til Enok Pederson Stangeland i Klepp og kona Elen Rasmusdotter. — Fødd kring 1730, død 3-11 1803. Gift 1) med Agnette Pedersdotter Åse, fødd kring 1751, død 1777, dotter til Peder Antoniusson Nedre Åse i Klepp og andre kona Karen Pedersdtr. Gift 2) med Ingeborg Svensdotter Skjørestad, fødd 1757. — Jon Enokson hadde butt på Åse før han kom til Høyland i 1782. Han hadde ei dotter i første gifte og 3 søner i andre:

1. Elen Jonsdtr., f. 1774, gift med Torkel Eivindson Erga.
2. Enok Jonson Bækkeheien (sjå nr. 72).
3. Peder Jonson Mauland, f. 1790, gift med Guri Eriksdtr. (sjå 76.).
4. Gitle Jonson, f. 1792?

51. **Peder Aslakson Heien** var husmann i 1801. Det er uvisst kvar han var frå. Men truleg var han son til Aslak Pederson som var husmann på Aen under Opstad i 1741 (Opstad 30. 2.). Ved eit skifte i 1762 er han kalla Peder Hovland eller Høyland. Han hadde butt på Njærheim før han kom til Bækkeheien (sjå der 72.). Han var fødd kring 1726, død 1813. Gift 1) med Ingeborg Mikkelsdtr. frå Auestad i Varhaug (sjå der 17. 2.), Ingeborg døde i 1771. Gift 2) med Guri Ingebretsdotter Årestad, fødd 1735, død 10-11 1813, dotter til Ingebret Nilsson Årestad i Time og kona Siri Pedersdtr. Peder Aslakson hadde 3 barn i første gifte og ein son i andre:

1. Anna Pedersdtr., fødd kring 1759, død 1800 ugift. Ho hadde ei dotter: Tabitta Gunnarsdtr., f. 1796, gift med Ola Pederson Ødemotland (sjå Ødemotland 13.).
2. Aslak Pederson Høyland, f. 1761, gift med Karen Larsdotter. Han var sjømann og budde i Stavanger.
3. Mikkel Pederson, f. 1764 (sjå 101.).
4. Ingebret Pederson, f. 1776 (sjå nr. 62).

52. **Hans Pederson Ueland** var son til Peder Olson Ueland i Varhaug (sjå Ueland nr. 29. 4.). Han var fødd kring 1771. Gift 1799 men enkja etter Tolleiv Olson Høyland (nr. 40). Maren Gunnarsdtr. Hans kjøpte dei 16 spand av Tolleiv Olson sine arvingar i 1799 for 112 dalar. — I 1803 selde han 10 spand til Ola Berntson, og byksla 6 spand som Anna Maria og Kirsten Tolleivsdøtre Hana åtte. — Hans Pederson hadde ei dotter:

Anna Malena Hansdotter, f. 1801, gift 1824 med Endre Jensson Kjosavik. — Hans kom seinare til Trones i Høyland.

53. **Josef Josefson Boknberg** var f. kring 1765. Gift 1790 med Anna Jonsdr. Line. Josef er ikkje nemnd i futerekneskapen. Men me veit at han brukte 16 spand i Høyland som Erik og Tore Vig åtte, og han var på Høyland i 1801 og 1803. Tore Tjærandson Nærland hadde brukt denne parten (sjå under 43.). Josef vart sidan buande på Line. Av barna skal me nemne 3 som var fødde før 1801:

1. Karen Josefsdr. var 9 år i 1801. Ho vart gift i Sola i 1818 med husmann Ola Pederson under Håland.
2. Jon Josefson, 8 år i 1801.
3. Josef Josefson, 1 år.

54. **Ola Olson Braut** byksla 16 spand av Tore Isakson Stavnheim i 1794 etter Lars Pederson (46.). Det har ikkje lukkast å få vita kven sin son han var. Han var fødd kring 1741, og truleg var det han som heitte Ola Olson Gråsteinsholen, gravlagd i Klepp 15-8 1811. I 1801 var han følgemann hjå versonen på Høyland, Johannes Ellingson. Han var gift med Malena Henriksdotter, dotter til Henrik Toreson Sørbo i Klepp og kona Inger Helgesdr. Me veit om 8 barn, men ingen var døypte i Haa:

1. Inger Olsdr., f. 1773, gift med Johannes Ellingson (nr. 55).
2. Malena Olsdr., f. 1770, gift med Sven Olson Høyland (nr. 67).
3. Henrik Olson, f. 1784.
4. Henrikke Olsdr., fødd 1775, gift med Eivind Larsson (nr. 69).
5. Laurents Olsdr., f. 1788, g. 1811 med Eivind Ljødeson Horpestad i Klepp.
6. Sara Olsdr., f. 1789, gift 1826 med Jon Erikson Horpestad.
7. Ola Olson Bækkeheien (sjå nr. 57).

55. Johannes Ellingson var son til Elling Johannesson Hognestad og kona Anna Eriksdotter (Tunheim og Fotland?). Han var fødd i 1773, gift i Klepp i 1800 med Inger Olsdotter Høyland, fødd kring 1773 (sjå 54. 1.). Johannes byksla 16 spand i Høyland av Tore Isakson Stavnheim i 1799 etter verfaren. Han budde på Høyland i 1801 og hadde hjå seg kona sine foreldre. I 1804 byksla Omund Toreson Skjærpe dei 8 spand og Ola Olson Salte dei andre 8 spand av Tore Stavnheim. — Johannes Ellingson budde seinare på Line. Barn:

1. Elling Johannesson, f. 1800.
2. Ola Johannesson, f. 1802.
3. Johannes Johannesson, f. på Line 1807.
4. Kristian Johannesson, f. på Line 1810?
5. Taletta Johannesdr., f. 1816.

55 B. **Omund Toreson Skjærpe** — (sjå Skjærpe nr. 17 2.). Han var fødd kring 1775. Gift 1803 med Johanna Olsdotter Haugstad i Varhaug (sjå der nr. 28. 7.). Tore byksla 8 spand av Tore Stavnheim av den parten som Johannes Ellingson hadde brukt, i 1805. Han var ikkje lenge på Høyland, og det er uvisst kvar det sidan vart av dei.

56. **Ola Olson Salte** var nok son til Ola Håvardson Salte frå Re og kona Anna Rasmusdr. Reime (sjå Reime 16. 2.). Han var fødd kring 1783. Gift 1804 med Berta Kirstina Johannesdr. Friestad, f. kring 1784, dotter til Johannes Ivarson Friestad i Klepp og kona Ingeborg Larsdr. Ola Olson byksla 8 spand i Høyland av Ola Toreson Stavnheim i 1805, av den parten som Johannes Ellingson hadde brukt. Ola Salte er kalla Ola Olson d. y. til skilnad frå nr. 48. I 1816 kjøpte han dei 8 spand på auksjon av Ola Stavnheim for 400 dalar. Samstundes kjøpte Tore Olson Lende 13 spand i Høyland av Ola Stavnheim for 666 dalar, like eins kjøpte Tore Lende 16 spand i Høyland av Henrik, Jørgen og Torger Vig og Omund Olson Salte for 100 dalar, som då Eivind Larsson og Tore Monsson brukte. Der var sers mykje handel med gardar på Høyland i dei tider. Dei Stavnheim kjøpte berre på spekulasjon, dei brukte ikkje jorda sjølv, men byksla ut til andre. Det har vore vanskeleg å halda greie på kven som brukte og åtte dei ymse bruka i dei tider. Ola Olson d. y. hadde 4 barn som me veit om:

1. Kirsten Olsdr., f. 6-12 1805.
2. Ola Olson Høyland (sjå nr. 98).
3. Anna Kirstina Olsdr., f. 18-10 1812, gift 31-1 1828 med Jon Jonson Salte.
4. Anne Berte Olsdr., f. 12-3 1817, gift 22-11 1838 med Ola Johannesson Salte. Deira soneson var O. J. Gausland.

57. **Ola Olson Heien** var son til nr. 54. Han byksla plassen Bækkeheien av Ola Toreson Stavnheim i 1801, som Johannes Ellingson brukte, og som faren før hadde brukt. Denne Ola Olson var ungar då, men han finst ikkje i manntallet for 1801 og heller ikkje i futerekneskapen. Den 8-11 1806 er innført i Panteboka ei semje mellom Ola Olson Salte og Ola Olson Høyland d. e. og Ola Toreson Stavnheim, om følge til Ola Olson d. e. Me skal ta det med her til rettleiing: "Efter at der har været adskillige ventilationer imellem Ole Olson Høiland og Ole Torsen Stavnem i henseende den sidstes opsæt-

ning af gaarden Høyland, ere de nu saaledes blevene forenede: 1. Ole Toresens brug, 8 spand i Høyland til 12-3 1807, 1 pund og 7 spand meel og 9 rigsdaler i penge. 2. For ettertiden skal Ole Olsen Salte, der bruger ligesaa 8 spand i Høyland, være fri for at svare opsæt til den gamle Ole Olsen og kone, mod at eieren, Ole Stavnem, betaler ham og kone derfor en gang for alle 72 rigsdaler. 3. Fra 12-3 1807 svarer af de 8 spand som Omund Toresen bruger, aarlig 1 pund havremeel til bemelte Ole Olsen og kone deres livstid. Saa fødes ogsaa for dem en ko og 2 faar, eller i dettes sted betales føde for koen med 3 rigsdaler, og for hvert faar 32 skilling, alt saa længe begge lever, og hvorfor eieren, ifald Omund ei i rette tid erlægger det bestemte, er ansvarlig. Om en af os opsætfolkene dør svares det samme opsæt til den gienlevende.”

Scheie den 8. November 1806.

Ole Toresen Stavnem Ole Olsen Høyland Etter dette meinar eg at denne Ola Olsen (nr. 57) var son til nr. 54, men berre budde som husmann på Bekkeheien, og såleis ikkje svara oppsett til foreldra, men at oppsettet kvilte på brukarane Omund Toreson og Ola Salte og eigaren av godset, Ola Toreson Stavnheim. Men det kan godt vera at dette ikkje er det rette.

58. Tore Monsson Haugland var son til Mons Olson Øvre Haugland i Time og kona Guri Adnesdtr. Han var fødd i 1776, død 7-3 1855. Gift 13-11 1798 med Anna Kirstina Jonsdotter Line, fødd 1767, dotter til Jon Jonson Line og kona Karen Johannesdtr. frå Tunheim. Tore Monsson byksla 8 spand i Høyland i 1801 av Erik Gjermundson Vig av dei 16 spand som Josef Josefson hadde brukt. — Dei var svograr. Tore kom då frå Salte, der han var i 1801. — Tore Monsson og Anna Kirstina hadde 8 barn:

1. Guri Toresdtr., f. på Salte 2-3 1800, gift 1) 1823 med Abraham Hansson Risa (sjå Høyland nr. 89), gift 2) 29-6 1849 med enkjemann Rasmus Samuelson Næsheim.
2. Karen Toresdtr., f. på Høyland 1802, død som enkje på Njærheim i 1875.
3. Mons Toreson, f. 11-2 1805. — Budde visst i Stavanger.
4. Anna Toresdtr., f. 4-11 1807.
5. Guri Marta Toresdtr., f. (1808?), gift 1830 med Johannes Asbjørnson Varhaug (Sør-Varhaug 62. 2.). Han var sjømann og budde i Stavanger.
6. Johanna Toresdtr., f. 30-1 1811.

7. Tore Toreson Høyland (sjå nr. 91).
8. Jon Toreson Hognestad, f. 5-5 1817, sjå nr. 90).

59. Ola Nilsson Næsheim byksla 8 spand i Høyland av Ola Olson sine 16 spand, som han hadde vorte eigar av etter eit skifte i 1780. Denne Ola Olson Høyland må vera nr. 56, og det skiftet som nemnest må ha vore etter Ola Rasmusson (nr. 39) som der var skifte etter 20-6 1780, og der syster hans, Anna Rasmusdtr., gift med Ola Håvardson Salte, var mellom arvingane. Nr. 56 var son deira. Men kven var Ola Nilsson? Han kom til Høyland frå Næsheim, og var gift med Maren Kristensdotter Næsheim (Næsheim nr. 55). Han var ikkje lenge på Høyland, men døde på Næsheim i 1819.

60. Rasmus Pederson Oma vart gift 14-12 1794 med Karen Pedersdotter Høyland. Trulovarar var korporal Lars Pederson Høyland (nr. 46) og Ola Olson Høyland. Det har ikkje lukkast å finne ut kven denne Rasmus Pederson var, og heller ikkje Karen Pedersdtr. — Dei var ikkje lenge på Høyland. Ein son var fødd der: 1. Peder Rasmusson, f. 1795.

61. Ola Berntson Øvregård var son til Bernt Eilefson Øvregård i Klepp og kona Anna Kirstina Olsdtr. frå Særheim. Han var fødd kring 1778, død 13-7 1827. Gift 21-6 1801 med Anna Rasmusdotter Vig, f. kring 1778, dotter til Rasmus Jonson Vig og kona Helga Svensdotter. — Dei budde først på Øvregård, der 2 barn var fødte. I 1803 kjøpte han 10 spand i Høyland av Hans Pederson (nr. 52) for 572 dalar, og i 1804 byksla han 3 spand av Anna Maria Tolleivsdtr. Hana, ved verget hennar, Halvard Olson Høyland. I 1824 kjøpte Ola Berntson desse 3 spand av Torjus Tolleivson Hana og Anders Olson Hana for 57 dalar. Då hadde Ola Berntson fenge samla alle dei 16 spand som låg til den parten. Dei fekk 11 barn:

1. Anna Kirstina Olsdtr., f. på Vig 1801, død 1802.
2. Bernt Olson, f. på Øvregård 1802, gift i Klepp 12-10 1831 med Elisabet Toresdtr. Orre. Han var sjømann i Stavanger. I 1836 kjøpte han 8 spand i Høyland av mora for 80 dalar. Dei andre 8 spand selde mora til Omund Omundson.
3. Rasmus Olson, f. 12-12 1804.
4. Andreas Olson Høyland (sjå nr. 87).
5. Helga Olsdtr., f. 2-1 1809, gift med Hans Jonson Orre.

6. Anna Kirstina Olsdtr., f. 13-3 1811, gift 16-5 1832 med Ola Toreson Orre.
7. Berta Olsdtr., f. 21-9 1813, gift i Stavanger 27-5 1841 med bygningsmann Jens Olson Netland frå Time.
8. Rasmus Olson, f. 10-1 1816, gift i Stavanger 2-12 1841 med Anna Jonsdtr. frå Stavanger. Han var sjømann.
9. Judithe Olsdtr., f. 4-11 1818.
10. Ole Andreas Olson, f. 25-11 1819, d. 10-1 1820.
11. Anna Maria Olsdtr., f. 30-3 1821, gift med Tønnes Gabrielson Høyland (sjå nr. 121).
62. Ingebret Pederson Bækkeheien var son til nr. 51. Han var fødd kring 1776, død 15-2 1846. Gift 2dre sundag i Advend (10-12) 1802 med Karen Rasmusdotter Høyland, (nr. 42. 1.) fødd kring 1774, død 10-8 1833. Ingebret Pederson byksla Bækkeheien av Hans Pederson og Rasmus Håvardson i 1801. Dei hadde 7 barn:
1. Guri Ingebretsdtr., f. 1-2 1804, gift 11-5 1849 med Peder Asbjørnson Næsheim (sjå der nr. 108).
 2. Rasmus Ingebretson, f. 6-7 1806, d. 7-1 1807.
 3. Rasmus Ingebretson Bækkeheien (sjå nr. 86).
 4. Elen Ingebretsdtr., f. 5-5 1811, død same året.
 5. Peder Ingebretson, f. 17-8 1813.
 6. Elen Ingebretsdtr., f. 29-6 1816.
 7. Elias Ingebretson, f. 17-12 1819, gift i Klepp 31-3 1844 med Jorina Toresdtr. Orre. Han var sjømann i Stavanger. Guri Ingebretsdtr. (1) fekk ein son u. e.: Hans Olson, f. 15-9 1832, gift i Stavanger 27-3 1867 med Olina Olsdtr. Kydland i Varhaug (sjå der 20. 3.).
63. Hans Ingebretson Haugland var son til Ingebret Hansson Øvre Haugland i Time frå Ødemotland og kona Malena Adnesdtr. Haugland. Han var fødd i 1761, død 1839. I 1801 tente han hjå søster si på Norheim i Time. Same året, 10-6, vart han gift i Klepp med Barbro Hansdotter Hauge, fødd kring 1764, død 1829, dotter til Hans Toreson Hauge og kona Kari Eriksdtr. Hans Ingebretson byksla 16 spand i Høyland av Erik Vig i 1804. I 1810 tok Eivind Larsson over denne parten. Hans budde nok seinare på Slettehei under Re. — Ei dotter var fødd på Hauge:
- Karen Hansdtr., f. 17-5 1801, gift 22-3 1821 med Johannes.
64. Peder Salomonson Heien var son til nr. 44. Han var fødd kring 1774, død 28-5 1803, gift i Time 11-3 1802 med Guri Svensdtr. Undheim, fødd 1766, dotter til Sven Torkelson St. Undheim og Marta Håvardsdtr. — Peder var husmann på Heiå. Han hadde ikkje barn.
65. Jesper Johannessen Heien var son til Johannes Svenson Tunheim frå Topdal i Ognå og kona Inger Jespersdtr. frå Mossige. Han var f. 1775, d. 11-11 1852, — gift 9-3 1804 med enkja etter Peder Salomonson, Guri Svensdtr. Ho døde 12-1 1828. Han tok over plassen Heien, som han byksla av Halvar Olson, Ola Olson, Rasmus Håvardson og Ola Berntson med samtykke frå Ola Toreson Stavnheim og Henrik og Jørgen Vig. Jesper Johannesson og Guri Svensdtr. fekk 4 barn:
1. Inger, f. 11-2 1805, d. 18-12 1806.
 2. Johannes Jespersion Heien, fødd 11-5 1806 (nr. 96).
 3. Inger, f. 21-10 1808, d. 1-7 1809.
 4. Margreta, f. (1807?), gift 22-3 1832 med Peder Pederson Todneim i Høyland, gift 2) 1838 med Rasmus Eivindson Todneim.
66. Jon Rasmusson var son til nr. 42. Han var fødd kring 1770, død 30-11 1845, gift 1. sund. i adv. 1804 med Johanna Larsdtr. "som har tjent 5 aar på Haa". Ho var dotter til Lars Omundson Kverme i Ognå og kona Ingeborg Ellingsdtr. frå Friestad i Ognå. Det har vore mykje strev med å finne fram til kven denne Johanna Larsdtr. i grunnen var. Skulle ein døme etter trulovarane, så ville det liggje nær å tru at hun var dotter til Lars Pederson Kvia og Åsa Mikkelsdtr. Men ved skiftet etter Åsa i 1790 er inga Johanna nemnd. Det klårnar likevel, når me ser kven som var fadrar til barna. Mellom dei er Salve Kanaheien og Malena Larsdtr. Opstad, som begge var barn til Lars Omundson Kverme. Johanna var fødd i Ognå 1774, død 20-6 1830. Jon Rasmusson fekk skjøte av faren på 10% spand som faren hadde kjøpt av Tore Toreson og Omund Olson i 1773 og 1774, Jon og Johanna Høyland hadde 4 barn:
1. Rasmus Jonson Høyland, f. 8-4 1805 (84.).
 2. Lars Jonson, f. 1808, gift 1839 med Maria Torgersdtr. Fotland i Time. — Han var bygningsmann i Stavanger.
 3. Hans Jonson, f. 4-3 1811, død før 1846, ugift. Han var sjømann. — Flutte til Lime-Vågen i Sund prestegjeld i 1831.
 4. Ingeborg Jonsdtr., f. 30-8 1815, gift i Stavanger 1841 med Børre Tormodson Ask, skipstømmermann.

67. **Sven Olson Høyland** var truleg den Sven Olson som var gift i Klepp 12-6 1795 med Malena Olsdotter. Det har vore heilt rådlaust å verta viss om kvar desse folka var frå. Men eg har meint at anten var Sven son til Ola Olson Høyland (54.), eller så var Malena dotter hans. Men dette er ikkje difor visst. Før dei kom til Høyland hadde dei butt ymse stader i Klepp. I 1801 finn me dei som husmanns-folk under Rosland, og sidan ei tid på Anda, truleg på plassen Gråsteins-holen. I 1809 byksla Sven Olson 8 spand som Ola Nilsson hadde brukt, helvta av dei 16 spand som 54. og 55. hadde brukt. Sven var 28 år og Malena 32 år i 1801. Han døde på Høyland 16-3 1839 og ho 30-12 1851. Av barna var dei 7 døypte i Klepp og 4 i Haa.

1. Inger Svendsdr., f. på Rosland 1795, gift med Ola Olson Rosland, f. Helle i Høgsfj. Ho hadde ellers 3 barn u.e.:
 1. Abraham Nilsson, f. 12-12 1816 (Eiganes).
 2. Taletta Torbjørnsdr., fødd i Stavanger.
 3. Salomon Salomonson, f. i Sola.
2. Ola Svenson, f. på Hesthau 3-7 1797.
3. Ola Svenson, f. i Klepp 15-12 1799. Faren heitte då Sven Olson Høyland.
4. Elling, f. 11-1 1801 under Rosland, gift 4-1 1825 med Rakel Jonsdotter Obrestad?, f. 1784, dtr. Elen Maria, f. 27-3 1827.
5. Ola, f. på Anda 20-2 1803. Budde på Høyland (99.).
6. Kristian, f. på Anda 24-3 1805, d. 28-4 s. å.
7. Sven, f. på Anda 12-3 1806 (nr. 107).
8. Kristian, f. på Høyland 30-1 1811, gift i Stavanger 8-6 1855 med Ingeborg Ingebretsdtr. frå Rennesøy, 40 år. Han var skomakar i Stavanger.
9. Johanna, f. 27-12 1812, gift 11-8 1842 med August Nilsson frå Sverige. — Budde på Erga i 1865.
10. Malena, f. 16-11 1814, gift 14-12 1843 med Eilev Kristianson Åsland.
11. Olina, f. 18-2 1819.

68. **Sven Olson Bekkeheien** var truleg son til Ola Larsson (38.) av 2dre gifte. Han var f. 1785, gift 17-12 1812 med Marta Toresdr. Skarstad frå Valle prestegjeld i Setesdalen, fødd kring 1783, død 12-5 1862. Eg stussa på dette, då eg såg at Sven sin bror, Ola Olson under Bjorland var ein av trulovarane, for så vidt eg visste hadde ikkje Ola Larsson nokon son som heitte Ola. Det er leitt når ein trur seg å ha funne fram til det rette,

og så likevel til slutt må sanne at det kanskje ikkje var det rette likevel. — Sven Olson Heien og Marta Toresdr. føkk ø b^rn^i

1. Olina, f. 25-12 1812, gift 17-7 1836 med Hans Hansson Hovland frå Frue sokn.
2. Tore, f. 21-8 1815.
3. Ola, f. 20-12 1818, reist til Kristiansand i garnisonen i 1838, gift 1844 med Berte Jorane Sivertsdr. Var væktar og gravar i Kristiansand.
4. Ingeborg Gurine, f. 13-8 1822. Flutt til Frue sokn i 1838.
5. Sille Maria, f. 13-6 1831, gift 18-4 1873 med enkjem. Peder Rasmusson Gruda på Tu.
6. Tobias, f. 1825 (ikkje i kyrkjeboka) (sjå nr. 108).

Marta Toresdotter døde på Rosseland i Time i 1862, og var då kalla kone, så mannen måtte levd då. Men det har vore uråd å finne kvar det vart av han.

69. **Eivind Larsson** var son til Lars Larsson Langholen av Skasheim og kona Anna Jakobsdr. Skadberg. Han var gift i Klepp 26-10 1800 med Henrikke Olsdr. Høyland, fødd kring 1775, død 2-4 1857, dotter til 54. Dei finst ikkje i mantallet for 1801 korkje i Klepp eller Nærbø, men budde då truleg på Langholen. I 1810 byksla Eivind Larsson 8 spand i Høyland av Henrik Monsson Vig, som truleg var dei 8 spand som Hans Ingebretson hadde brukt (nr. 63). I 1817 åtte Tore Lende desse 8 spand. Me veit at Tore Lende hadde kjøpt 16 spand av dei Vig i 1816. Tore Monsson (58.) brukte dei andre 8 spand. Eivind døde truleg i 1825, for i 1828 er enkja oppført som brukar. Eivind og Henrikke fekk 10 barn, 5 var døypte i Klepp og dei andre i Haa:

1. Anna, f. på Langholen 21-12 1800, d. på Anda 30-8 1801.
2. Ola Eivindson Høyland, f. på Anda 4-7 1802 (Næsheim 99.).
3. Gabriel Eivindson Høyland, f. Anda 30-9 1804 (nr. 85).
4. Lars Eivindson, f. Langholen 1807, d. 9-2 1811.
5. Anna Eivindsdr., f. Langholen 22-1 1809, død på Kruso 1-4 1878, ugift. Ho hadde ein son u.e.: Abel Sivertson Bø, f. 31-8 1844 (sjå Bø 110.).
6. Lars Eivindson Høyland, f. på Høyland 19-4 1811 (nr. 106).
7. Malena Eivindsdr., fødd 14-2 1813, død 8-11 1887, — gift 1-4 1825 med Peder Pederson Lerbrek (sjå Torland 62.).
8. Helga Eivindsdr., f. 22-3 1815, gift

- 17-8 1871 med enkjemann Andreas Andreasson Lode (sjå Lode 49.).
9. Elen Eivindsdtr., f. 31-3 1817, gift 15-7 1869 med Ola Gabrielson Gausland på Kruso (sjå Bjorhaug 13.). Elen hadde ei dotter u. e.: Elisabet Kristine Møllersdtr., f. 14-1 1853, gift med Hans Svenson Tu.
10. Eivind Eivindson Høyland, fødd 21-6 1821 (nr. 109).
70. **Ole Johannes Olson**, son til nr. 48, var fødd i 1783, død 14-7 1860, gift 23-10 1817 med Berta Olsdotter Bjorland, fødd 1788, død 17-8 1860 (sjå Bjorland 9. 1.). Ole Johannes kjøpte 18% spand av Tore Lende og Ola Olson Høyland (faren) i 1817. I 1819 kjøpte faren att $\frac{91}{3}$ spand som Ole Johannes byksla av han att. I 1821 byksla han så dei 9% sp. til Halvar Johannesson mot oppsett til faren, Ola Olson, og mora, Karen Olsdtr. I 1829 selde Ole Johannes 9y $\frac{3}{3}$ sp. til Abraham Hansson Risa for 40 spd. -f- folge til mora Karen Olsdtr. Dei fekk 4 barn:
1. Ingeborg, f. 26-2 1820, gift 17-7 1864 med Ola Olson Erga, Pollestad.
 2. Ola, f. 15-2 1823 (110.).
 3. Nils, f. 21-3 1826, gift i Stavanger 16-3 1863 med Ingeborg Kirstine Jakobsdtr. frå Sokndal.
 4. Berta, f. 6-7 1829, gift i Time 15-11 1855 med Peder Pederson Line.
71. **Ola Olson Næsheim** vil eg kalla denne for å skilje han ut frå dei andre Ola Olsonane. Han var truleg son til Ola Larsson (38.) og den bror til Sven Olson Heien som var kalla Ola Olson Bjorland i 1812. Han budde vel då på Holen under Bjorland. Seinare kom han til Høyland, der dei 4 første barna var fødde. Kring 1830 kom han til Næsheim, der han døde 1-1 1853, 76 år gamal. Dette er einaste gongen at alderen hans er nemnd. Han finst nemleg ikkje i manntallet for Nærbø i 1801. Etter den nemnde alderen skulle han vore fødd kring 1774, og det høver fint med Ola Larsson og Ingeborg Larsdtr. som kunne vore gifte i 1773. Den 18-10 1806 vart han gift med Kirsten Olsdtr. Bø, fødd kring 1764, død på Næsheim 21-8 1824, — dotter til Ola Olson Holen under Bjorland frå Bø og Karen Kristensdtr. Bø. Dette giftermålet var nok ein misallianse, og Kirsten måtte "formedelst hans slette behandling, flytte ifra ham til sin broder, Kristen Olsen Haugland". Ola budde då på Høyland (1822) og hadde hjå seg tenestegjenta Karoline Martine Tollaksdtr., som han avla 2 barn med alt medan Kirsten levde. Då Kirsten var død, fekk han ennå eit barn med Marta, før han den 2-9 1827 gifta seg med henne. Denne Marta Tollaksdtr. var fødd i Bergen kring 1802. Ho var dotter til Tollak Hansson frå Risa (Risa 50. 4.) og kona Berta Kirstine Knutsdtr. som var fødd i Bergen og døde på Næsheim 3-6 1836. Ola levde som husmann all si tid. Første gifte var barnlaust. I andre gifte hadde han:
1. Jonas Olson, f. 16-4 1820, d. 15-7 s. å.
 2. Taletta Olsdtr., f. 26-11 1822, gift i Stavanger 1857 med matros Jakob Simonson frå Hægebostad, som omkom med Køhlers jakt "Chalena" 9-11 s. å., gift 2) 10-11 1859 med matros Peder Endreson frå Eigersund, 27 år.
 3. Ingeborg Kirstine Olsdtr., f. 7-1 1826.
 4. Anna Malena Olsdtr., f. 20-5 1828.
 5. Ola Olson, f. på Næsheim 24-7 1831, — gift i Klepp 20-4 1870 med Olina Omundsdr. Re. Budde på Stangeland i Klepp.
 6. Knut Olson Næsheim, f. 13-6 1835 (sjå Næsheim 107.).
 7. Karoline Martine Olsdtr., f. 4-10 1838. Ho fekk ei dotter u. e.: Petra Taletta Gabrielsdtr., f. i Sola 25-6 1874, far: smed Gabriel Paulson frå Sandnes i Stavanger?
 8. Berta Kirstina (Kristina) Olsdtr., f. 3-8 1842, gift med Laurits Larsson Høyland (134.).
 9. Søren Mikal Olson, f. 14-11 1845.
72. **Enok Jonson Bekkeheien**, son til 50., fødd 1789, død 23-2 1839. Gift i Time 1809 med Rakel Ellingsdotter Haugland, fødd 1784, — dotter til Elling Simonson Nedre Haugland og andre kona Malena Torstensdtr. Enok byksla Bekkeheien av Ola Olson og Halvard Olson 48. og 49.) i 1805 etter faren. Dei hadde 7 barn:
1. Jon Enokson, f. 28-12 1810, d. 21-1 1836, ugift.
 2. Malena Enoksdtr., f. 15-2 1814, d. 28-8 1816.
 3. Malena, f. 1-7 1817, gift i Stavanger 1850 med enkjemann og sjømann Ole-Mikal Toreson frå Stavanger. Malena hadde hatt barn både med han og son hans.
 4. Elling Enokson Bekkeheien, fødd 28-6 1820 (93.).
 5. Jonas Enokson, f. 12-9 1824, d. 31-1 1839.
 6. Ingeborg Enoksdtr., f. 8-5 1828?, gift 13-9 1860 med Jon Rasmusson Bore på Erga i Klepp.
 7. Taletta Enoksdtr., f. 3-2 1832.

73. Rasmus Pederson Salte, son til Peder Rasmusson Ytre Salte (Øgard), og kona Berta Gunnarsdtr. frå Håland i Nærbø. Han var fødd i 1787, død 23-3 1868. Gift 19-10 1820 med Karen Berte Olsdotter Høyland, fødd 1792, død 1-3 1871 (48. 5.). Rasmus Pederson brukte 9y³ spand frå 1820, som Halvard Olson (49) hadde ått, og som Tollef Jonson Skeie kjøpte av Halvard si dødsbu i 1826. — Rasmus og Karen Berte hadde 4 barn:

1. Peder Rasmusson, f. 18-11 1820 (sjå Søyland 25.).
2. Karl Olai Rasmusson, f. i Stavanger 13-1 1822 (nr. 115).
3. Kornelius Rasmusson, fødd 19-2 1824 (nr. 116).
4. Berta Rasmusdtr., fødd 9-4 1831, gift 18-11 1859 med enkjem. Siver Svenson Garborg, smed på Sandnes. — Deira dotter var Sikke Siversdtr., gift med Rasmus Olson Næsheim (Næsh. 112.).

74. Gustav Andersson Fugleberg var fødd kring 1792. Gift 7-6 1822 med Malena Halvardsdotter Høyland, fødd 1788, død 19-8 1850 (Næsheim 56 B. 2.). Gustav Fugleberg budde som husmann på Høyland, men han finst ikkje gravlagd i Nærbø. — Dei hadde 5 barn fødde på Høyland:

1. Grete Gustava, f. 28-11 1822, gift 5-6 1843 med Ola Torjusson Ødegård frå Vinje i Telemark.
2. Johanna Malena Gustavsdtr., f. 20-10 1827, gift i Stavanger 12-3 1858 med arbeidsmann Andreas Johannesson frå Bakke sokn, 33 år.
3. Anne Bertine Gustavsdtr., f. 13-6 1830, gift 11-4 1850 med Jonas Olson Odland, Varhaug (sjå der 43. 4.).
4. Gustav Gustavson, f. 21-2 1833.
5. Kristine Andrine Gustavsdtr., f. 1825, gift 19-5 1843 med skulelærar Steen Vilhelmson frå Hadeland.

75. Halvard Johannesson var son til Johannes Halvardson Foss-Eikeland i Høyland og kona Agathe Toredtr. frå Anda. Han var fødd i 1793, død 21-1 1862. Gift 14-1 1821 med Inger-Elen Eriksdotter Thjøtta, fødd 1799, død 27-2 1881, dotter til Erik Erikson Tjøtta i Klepp og kona Kirsten Andersdtr. Dei hadde butt på eit plass under Anda, men i 1821 fekk Halvard byksla 9y³ spand i Høyland av Ole Johannes Olson (70.) som Rasmus Pederson (73.) hadde brukt. I 1854 kjøpte Halvard Va spand av Hans Vikanson for 25 dalar. Dei fekk 8 barn:

1. Erik Halvardson, f. på Anda 28-3 1821,

- d. 1900 ved ei ulykke. Budde på Klepp.
2. Johannes Halvardson, f. på Høyland 18-9 1823, gift 20-4 1852 med Ingeborg Ingebretsdtr. Nor Sunde i Håland.
3. Kirsten Halvardsdtr., f. 13-12 1825, gift med Knut Tjærandsen Nærland (Nærland 97.).
4. Anna Elisabet Halvardsdotter, f. 6-5 1828, gift 14-4 1859 med Karl Olson Vagle.
5. Andreas Halvardson, f. 15-11 1830, gift i Stavanger 17-1 1862 med Grete Kristine Knutsdtr. frå Flekkefjord. Han var sjømann.
6. Halvard Halvardson, f. 10-3 1833, d. 18-6 same året.
7. Halvard Halvardson Høyland, f. 21-1 1835 (sjå nr. 129).
8. Elen Maria Halvardsdtr., f. 27-1 1838, gift 1-12 1864 med Tjærand Rasmusson Høyland (124.).

76. Peder Jonson, son til 50., var fødd i 1706, død på Mauland i Time. Gift 8-2 1826 med Guri Eriksdotter Nedre Åse i Klepp. Peder Jonson brukte dei 8 spand som Sven Olson (67.) hadde hatt. Han flytte til Mauland kring 1828, men hadde butt på Salte før han kom til Mauland, visstnok som husmann. Mellom barna var:

Erik Pederson Lode, f. på Salte 13-9 1826 (sjå Lode 58.).

77. Omund Svenson var truleg son til husmann Sven Svenson Pollestad i Klepp og kona Signy Nilsdtr. Pollestad. Han var i så fall døypt i Klepp 30-6 1793, død i Stavanger. Gift i Klepp 13-2 1814 med Anna Olsdotter Store Salte, fødd i Klepp 1793, dotter til Ola Olson Salte og kona Marta Jonsdotter. Han heitte Tvihaug då han var gift, så han må ha vore der då. Omund Svenson hadde butt ymse stader før han kom til Høyland kring 1830. I 1831 selde han "sin eiende anpart i Høyland" til Ole Johannes Jensson Laland, — og atter i 1840 byksla Omund Svenson 8 og 8 spand i Høyland med Rugland og husmannsplasset Bekkeheien, og atter i 1841 byksla Peder Monsson Høyland av Asbjørn Sivertson Skeie den plass under hans gardspart på Høyland med Rugland, som ved festebrev av 10-11 1840 har vore festa til Omund Svenson, men som denne har avstått til Peder Monsson. — Det er greitt at dette gjeld Bekkeheien. I 1847 flutte Omund Svenson til Gråsteinsholen i Klepp. Sidan veit eg ikkje noko om han. — Eg har funne 8 barn, dei fleste døypte i Klepp:

1. Marta Omundsdtr., f. på Salte 1-4 1814.
2. Berta Serina Omundsdtr., f. på Salte 17-3 1816, død same år.
3. Sven Omundson, f. på Engelsvåg 7-9 1817.
4. Berta Serina Omundsdtr., f. Engelsvåg 14-7 1820, gift 16-3 1852 med Tørres Larsson Undheim.
5. Olina Omundsdtr., f. Engelsvåg 20-1 1823.
6. Omund Omundson, f. Engelsvåg 4-3 1826, gift 11-7 1855 med Ane Berte Eriksdtr. Tjøtta.
7. Ane Omundsdotter, f. Engelsvåg 30-1 1829, d. på Anda 3-9 1855.
- (8.?) Anna Johanna Omundsdtr., gift i Håland 13-12 1855, 28½ år gammel, med Tore Toreson Revem, 38 år. — Henne har eg ikkje funne døypt nokon stad.
9. Sven Omundson, f. på Høyland 1-1 1836.

78. **Erik Pederson Salte** var bror til 73. — Han kom til Høyland i 1836, då han kjøpte dei 8 spand av Ole Johannes Jonson Laland, som Omund Svenson hadde selt. Kona hans heitte Hanna Bertine Hansdotter og var frå Egerøy, men visst fødd på Dysjeland i Håland. I 1839 vart Erik gift 2) med Ane Nilsdtr. Herikstad i Time, f. 1808, enkje etter Ola Olson Re. Erik vart ikkje verande lenge på Høyland, for i 1837 er Ola Henrikson på denne parten.

79. **Ola Henrikson Hårr** (sjå Hårr i Varhaug 43. 2). Han var fødd 20-11 1803, død 8-11 1885, gift 7-12 1827 med Berta Gunnarsdtr. Nærland, f. Obrestad 5-5 1811, død 12-10 1869 sjå Obrestad 24. 1.). Ola Henrikson var komen til Høyland før 1837 og hadde teke over dei 8 spand som Erik Pederson hadde brukt. I 1842 hadde broren, Tollef Henrikson, teke over dei 4 spand, og i 1849 hadde Elias Håvardson teke over dei andre 4 spand. Men Ola Henrikson er nemnd som brukar på Høyland heilt til 1880. Karl Mandius Høyland var komen på denne parten i 1889. Før han kom til Høyland hadde Ola Henrikson butt på Store Salte, der han selde 7 spand til Gabriel Jonasson Austrått i 1835. Av dei 11 barna var 4 fødde på Salte og 7 på Høyland:

1. Tjærand, f. 25-11 1838, d. 11-6 1842.
2. Anna Maria, f. 24-2 1841, gift i Hetland 1862 med Mons Monsson Randaberg.
3. Tjærand, f. 8-8 1843.
4. Ola Olson Høyland (145.)

5. Hans Olson, f. 27-3 1848.
6. Berta Malena, fødd 14-9 1850, gift i Stavanger 1876 m. Ola Toreson Høyland (91. 4.). Seilmakar i Stavanger.
7. Kristian Olson, f. 11-6 1853, gift i Stavanger 1884 med Kansada Gausland. Han var sjømann.
8. Gunnar, f. på Salte 1829, gift i Time med Anna Malena Line. Sjømann i Stavanger.
9. Anne Maria, f. Salte 1832, d. s. å.
10. Henrik, f. Salte 1834, d. s. å.
11. Henrik, f. Salte 1836.

80. **Tolleiv Henrikson Hårr** var bror til Ola. Han var fødd i 1790, død 26-7 1852, gift 19-10 1823 med Olina Kristofersdtr. Rimestad, f. 1800 (Rimestad 36.). Han og hadde butt på Salte før han kom til Høyland, der han var komen i 1827. I 1839 pakta han ein gard på Lode, men kom til Høyland att i 1842. Det ser ut til at han og broren Ola har brukt dei 8 spand skiftevis. Då Tolleiv var død flutte enkja til Stavanger. Dei fekk 8 barn:

1. Anne Berte, f. 5-2 1824, gift 13-4 1849 med Jakob Jokobson Sannes?
 2. Henrik, f. 28-11 1827, gift i Stavanger 9-3 1853 med Inger Maria Reiersdtr., frå Flekkefjord. Eg veit ikkje kvar Henrik budde, men i 1852 kjøpte han Lausøyra av faren for 60 spd.
 3. Kristian, f. 12-4 1831.
 4. Berta, f. 8-3 1834, d. 20-10 s. å.
 5. Tolleiv, f. 26-10 1835, d. 3-5 1839.
 6. Berta Serina, f. på Lode 21-4 1829.
 7. Kirsten Taletta, fødd på Høyland 7-2 1843.
 8. Lena, f. 19-6 1850, gift i Stavanger 9-9 1877 med styrmann Mathias Johannessen frå Malangen.
- Tolleiv Henrikson brukte 9⅓ sp. i 1833 som Tolleiv Jonson Skeie åtte, men selde til Gabriel Monson i Tananger og Sivert Rasmusson Vig i 1834 for 130 spd.

81. **Mikkel Mikkelsen Heien** er nemnd på Høyland i 1823, då han hadde barn til dåpen. Han er ikkje nemnd korkje før eller sidan. Kona heitte Ingeborg Mikkelsdtr. Son fødd på Høyland: Mikkel Mikkelsen, f. 30-12 1823. (Var Ingeborg dotter til 101.?)

82. **Tolleiv Tolleivson Undheim** kjøpte 9⅓ sp. av G. Monson og Sivert Vig i 1840 med Rugland. Han var son til Tolleiv Tolleivson Undheim frå Sikvaland og Inger Torkelsdtr., f. 15-12 1811, d. 9-3 1842, gift 28-3 1839 med Ingeborg Ta-

raldsdr. Skjærpe, f. 18-9 1818, d. 3-8 1841 (Skjærpe 19. 8.). Dei fekk ei dotter: Inger Tolleivsdotter, f. 15-3 1840. Ho vart fostra hjå morbroren, Tønnes Taraldson Skjærpe. Ho vart gift 2 gonger. 1) 21-3 1861 med Gabriel Pederson Lode. 2) 21-2 1878 med Martin Torgerson Næse. (Lode 56. og 62.)

83. **Endre Taraldson Bilstad** kjøpte dei $\frac{91}{3}$ sp. av Tolleiv Tolleivson si dødsbu på offentlig auksjon den 8-8 1842 for 305 spd. Same dagen selde han same $\frac{91}{3}$ sp. til Hans Vikanson Steinsland for 368 spd. Det syner seg og at Tolleiv Henrikson Hårr hadde seldt desse $9\frac{1}{3}$ sp. truleg til G. Monsen og Sivert Vig, for 7-11 1843 heiter det i panteboka: "I anledning af at mit bygselbrev er blevet borte for mig, tilstaar jeg Tollef Henriksen Høiland, at jeg paa lovlig maade har bortsolgt min forhen eiende $9\frac{1}{3}$ spand i Høiland, som jeg for længe siden er udbetalt, og har derfor intet at indvende i det banklaan som Endre Taraldson har begjæret." Endre Taraldson flytte til Skjæveland i Høyland i 1844.

84. Rasmus Jonson var son til 66. Han var fødd 8-4 1805, død 8-2 1876, gift 4-3 1830 med Guri Tjærandsdr. Søyland. f. 1-9 1809, d. 13-5 1898 (Søyland 16.). Rasmus fekk skjøte på $10\frac{2}{3}$ sp. av broren Lars og Børre Tormodson, begge i Stavanger, i 1846 for 100 spd. — Dei fekk disse barna:

1. Guri, f. 20-9 1829.
2. Isak, f. 19-3 1832, d. 5-4 s. å.
3. Tjerand, f. 11-3 1833 (sjå nr. 124).
4. Jon, f. 7-12 1835, gift i Stavanger 12-1 1860 med Gurine Johanne Ferdinandsdr. frå Flekkefjord. Han var i Stavanger.
5. Johanne, f. 26-7 1838.
6. Gabriel Rasmusson, fødd 13-10 1841 (Høyland 124.).
7. Jonas Rasmusson, f. 8-8 1844. gift 1) i Stavanger 29-4 1875 med Olina Andreasdr., gift 2) 23-3 1887 med enkja Berta Olina Olsdr. Erga, f. Stokkeland. Kusk i Stavanger.
8. Grete Rasmusdr., f. 6-6 1847, gift 1877 med Elias Olson (Høyland 144.).
9. Hans Rasmusson, f. 3-5 1851, d. s. å.
10. Helena Rasmusdr., f. 24-6 1852, gift med Gabriel Gabrielson Possestad. (Høyland 137.)

85. **Gabriel Eivindson** var son til Eivind Larsson (69.). Han var fødd på Anda 30-9 1804, død 23-3 1883, gift i Klepp 31-3

1830 med Marta Kirstine Tørresdr. Riskild, fødd 1801, død 26-1 1875, dotter til Tørres Endreson Riskild og kona Elen Rasmusdr. — Gabriel Eivindson kjøpte 3% sp. av Gabriel Jonasson i Stavanger i 1855 for 80 spesidalar, og gav samstundes følge til broren Ola Eivindson og enkja Olina Kristofersdr. (etter Tollef Henrikson), — som hadde gitt frå seg bykselen til han på 4 spand, desse 7% spand var vel det same som dei 8 spand han hadde byksla av Asbjørn Skeie (Vig) i 1830 etter mora? Gabriel Eivindson og Marta Kirstine hadde 3 barn:

1. Helena Gabrielsdr., f. 14-6 1831, gift 1866 med Lars Larsson frå Eikeland i Bjerkreim, som var enkjemann. Han budde på Berredsvela i Ogna.
2. Elen Kirstina Gabrielsdr., f. 27-10 1838, gift 22-12 1866 med Lars Jensson Matingsdal i Ogna.
3. Tønnes Gabrielson Høyland (121.).

86. Rasmus Ingebreison Bekkehøien son til 62. Var fødd 16-12 1807, død 14-2 1895, gift 14-10 1831 med Kirsten Olsdotter Njærheim, fødd 29-5 1810, død 17-3 1891 (Njærheim 88.). Rasmus byksla plassen Bekkehøien etter faren i 1835, men der står ikkje kven han fekk bykslebrevet frå. Dei fekk 8 barn:

1. Ola Rasmusson Bekkehøien (sjå 133.).
2. Isak Rasmusson, f. 22-8 1835, d. 31-5 1836.
3. Isak Rasmusson, f. 22-3 1837, gift 17-4 1873 med Pernille Andreasdr. Re. Dei budde på Salte og var foreldre til skredder Johan Salte på Nærbø.
4. Karen Rasmusdr., f. 31-11 1839, gift 11-4 1867 med Ola Tønnesson Kydland (sjå Djøseland, Varhaug 48.).
5. Berte Rasmusdr., f. 31-8 1842, gift 4-6 1889 med enkjemann Ole Mikal Olson Sør-Reime (sjå der 33.).
6. Peder Rasmusson, f. 6-6 1845. Han flutte til Randeberg i 1868. Var skomakar.
7. Kornelius Rasmusson, f. 6-8 1848.
8. Rakel Kirstine Rasmusdr., f. 3-2 1853.

87. **Andreas Olson Høyland** var son til Ola Berntson (61.). Han var fødd 18-2 1806, død 5-4 1887, gift 24-6 1827 med Sissel Gjermundsdotter Voll i Varhaug, fødd 30-1 1803, død 8-2 1891, dotter til Gjermund Olson Voll og andre kona Ingeborg Kirstine Svensdr. (sjå Voll 55. 4.). Andreas byksla 8 spand av broren Bernt i 1836, mot å gjø mora oppsett. Dei fekk 8 barn:

1. Anna Kirstina Andreasdr., f. på Voll 10-12 1826, gift i Stavanger 22-10 1857 med bygningsmann Ole Johannes Jonson Næsheim (sjå Næsheim 84. 3.).
2. Olina Andreasdr., f. 25-12 1829, gift i Stavanger 25-9 1857 med bygningsm. Erik Pederson Vigre (Vigre 42. 4.).
3. Johannes Andreasson, fødd 27-6 1832, gift i Stavanger 22-5 1862 med Anne Bertine Jakobsdr. frå Sokndal, 27 år.
4. Anna Andreasdr., f. 18-9 1833, gift 20-3 1874 med Hans Mikal Ellingson Høyland (nr. 139).
5. Sissel Andreasdr., f. 2-1 1839, gift i Stavanger 3-11 1870 med bygningsmann Eivind Svenson Vallemoen, Setesdalen?
6. Andreas Andreasson, f. 8-8 1841.
7. Johanna Andreasdr., f. 25-5 1844, gift 30-11 1865 med Albret Torkelson Tu (sjå nr. 131).
8. Ole Andreasson Høyland, f. 1-8 1847 (132.).

88. Omund Omundson Njærheim (Njærheim 86. 6.), fødd 1797, død 16-1 1871. Gift 12-11 1818 med Rakel Ellingsdotter Stavnheim, fødd 1793 (sjå Håland i Varh. 35. 4.). Omund kjøpte 8 spand i Høyland med Rugland av enkja Anna Rasmusdr. (61.) i 1837 for 100 dalar. Han fekk låna 150 dalar i Norges Bank mot pant i 8 spand i Høyland med Bekkeheien og Rugland. Omund hadde butt på Stavnheim før han kom til Høyland, og alle dei 6 barna var fødde på Stavnheim. (Stavnheim 35.)

1. Karen Malena Omundsdr., fødd 25-6 1819, gift 1841 med Ola Larsson Næsheim (Næsheim 109.).
2. Omund Omundson, f. 11-9 1821, gift 19-5 1846 med Malena Tollaksdotter Skjærpe (Skjærpe 20. 5.).
3. Elling Omundson, f. 9-11 1824, gift i Stavanger 1-1 1852 med Johanna Larsdr. Bø (sjå Bø 79. 3.). Budde i Stavanger, seinare i Haugesund.
4. Rasmus Omundson, f. 22-9 1827, tente på Haugland i 1844.
5. Kirsten Omundsdr., f. 1-6 1830, gift med Ola Pederson Høyland (nr. 117).
6. Rakel Elisabet Omundsdr., fødd 21-2 1833, gift med Kornelius Rasmusson Høyland (nr. 116).

89. Abraham Hansson Risa (sjå Risa 46. 1.). Han var fødd i 1780, død på Njærheim 15-7 1847. Gift 6-3 1828 med Guri Toresdotter Høyland, fødd 1800 (58. 1.). Abraham kjøpte 9% spand i Høyland av Ole Johannes Olson (70.) i 1829 for 40

dalar og følge til enkja Karen Olsdr. I 1831 selde Abraham og Ole-Johannes Olson $\frac{9}{13}$ spand i Høyland til Asbjørn Siverson Vig for 160 dalar. I 1838 står Ole-Johannes som brukar av alle dei $\frac{18}{3}$ spand, og Abraham er ikkje nemnd då. Då Abraham var død, gifta enkja seg att med Rasmus Samuelson Næsheim som då budde ei tid på Høyland (sjå Næsheim 78.). Abraham og Guri hadde 3 barn:

1. Hans Abrahamson, fødd (1829?) (sjå Skjærpe 40.).
2. Tore Abrahamson, f. 9-1 1833, d. 28-11 1895, ugift.
3. Abraham Abrahamson Njærheim, f. 24-1 1837 (Njærheim 127.).

90. Jon Toreson Høyland, son til 58, var fødd 5-5 1817, gift 13-10 1842 med Anna Kirstina Olsdotter Haugland, fødd 18-1 1801, dotter til Ola Tørresson Haugland i Time og kona Kirstina Johannesdr. frå Tunheim. Jon Toreson brukte $\frac{9}{3}$ spand av Ole Johannesson sin part til han flytte til Øvre Haugland i 1856, der han døde 2-3 1859. Dei hadde 3 barn:

1. Kirsten Jonsdr., f. 26-8 1845, gift med Abraham Abrahamson (sjå 89. 3.).
2. Tønnes Jonson, f. 28-6 1847, gift 4-11 1880 med Grete Svensdr., f. i Høyland sokn 1856?
3. Ane Jonsdr., f. 27-1 1849, gift med Jon Jonasson Bø (Bø 127.).

91. Tore Toreson var bror til 90., fødd 7-3 1814, død 30-11 1889, — gift med Anna Kirstina Pedersdr. Braudavoll i Klepp, fødd 31-7 1808, død 23-10 1887, dotter til Peder Kristianson Braudavoll og kona Johanna Sivertsdr. frå Tjøtta. Tore var skulemeister. Han brukte 8 sp. i 1841, som Asbjørn Sivertson Skeie åtte. Dei fekk 6 barn:

1. Tore, f. 17-7 1840, gift i Stavanger 24-4 1864 med Anna Judithe Isaksdr. Høyland, f. 21-7 1832, dotter til Isak Toreson S-Reime og gjenta Marta Olsdr. Høyland (sjå 48. 3.). Han var sjømann i Stavanger.
2. Peder Toreson Høyland, g. 1-11 1842 (125.).
3. Mons Hårr, f. 22-10 1844, gift 5-4 1872 med Rakel Eilevsdr. Hårr (Hårr 69.).
4. Ola, f. 22-5 1847, gift i Stavanger 3-10 1876 med Berta Malena Olsdr. Høyland (79.). Han var sjøm. og seilmarkar. Reiste visst seinare til Amerika.
5. Johannes, f. 27-7 1849, d. 2-8 s. å.
6. Joakim, f. 8-2 1851, død som barn?

92. Tore Toreson Høyland døde 13-6 1842, 33 år. Kona heitte visst Anna Ådnesdr.? Kjenner ikkje meir til dei.

92 B. Rasmus Samuelson Næsheim (Næsheim 78.).

93. Elling Enokson Bekkeheien var son til 72. Han var fødd 28-6 1820, død 1-1 1881, gift 9-4 1840 med Sara Gjermundsdr. Herigstad, f. 2-2 1806, d. 26-1 1885, dotter til Gjermund Kristenson Herigstad i Time og kona Barbro Jonsdr. frå Taksdal. Han byksla Bekkeheien etter faren av Asbjørn Skeie i 1843, og kjøpte IVs sp. av Hans Vikanson i 1854 for 24 spd. I 1886 står Elling oppført med bnr. 5, 6 og 7. Bnr. 6 var kalla Blåseplassen. I 1873 var der skyldsetning hjå Elling Enokson som hadde kjøpt Blåseplassen av Elling Pederson, Ola Olson Kydland, Tønnes Gabrielson, Rasmus Jonson, Ola Olson Salte, Andreas Olson og Ola Pederson for 55 spd. I 1877 kjøpte Elling Enokson (bnr. 5?) av Tolleiv Svenson for 200 kroner. Elling og Sara fekk 4 barn:

1. Enok Ellingson, f. 4-3 1841, d. s. å.
2. Johannes Ellingson Bekkeheien, fødd 9-8 1845 (150).
3. Raket Maria Ellingsdotter, f. 1843, d. 26-5 1860.
4. Enok Ellingson, f. 11-10 1850, d. 5-12 same året.

94. Hans Vikanson Steinsland, — son til Vikan Jonson Steinsland og kona Taletta Helgesdr. frå Næse i Klepp. Han var fødd 12-11 1820, død 5-9 1903. Gift 2-11 1843 med Berta Isaksdotter Auestad i Varhaug (sjå der 31. 1.), fødd 6-7 1821, død 14-11 1887. Hans Vikanson kjøpte $\frac{91}{3}$ spand av Endre Taraldson i 1843 for 386 dalar. I 1854 kjøpte han $\frac{48}{9}$ spand av Rasmus Jonson (84.). Hans og Berta hadde 4 barn:

1. Taletta Hansdr., f. 5-2 1845, død 11-4 same året.
2. Taletta Hansdr., f. 1-4 1847, gift med Gabriel Rasmusson (124.).
3. Johanna Hansdr., f. 24-12 1848, d. 11-4 1849.
4. Johanna Tabitta Hansdr., fødd 18-10 1854, gift 1) med Ola Olson Høyland (nr. 143), gift 2) 3-2 1885 med enkjem. Kristian Eilevson Åsland.

95. Jakob Elias Håvardson, fødd i Elle i Vanse kring 1823, gift 5-11 1844 med Kirsten Torgersdotter, fødd kring 1823. I 1845 tente eller forpakta dei på Haa. I 1848 kjøpte han 4 spand i Høyland

med Rugland av Gabriel Jonassen i Stavanger for 100 dalar. I 1849 fekk han låna 100 dalar av overformynderiet som myndlingen Gunnar Larsson Hårr åtte. 3 barn var døypte i Nærbo:

1. Severine Marie Jakobsdr., f. på Haa 16-10 1845, gift i Stavanger 1867 med matros Hans Tollaksen, gift 2) i Stavanger 18-4 1872 med skips-tømmermann Knut Knutson Stangeland, f. 7-10 1844.
2. Hans Theodor Jakobson, f. på Høyland 27-4 1848.
3. Elisabet Jakobsdr., f. 4-1 1852.

96. Johannes Jesperson Heien var son til 65. Han var fødd 11-5 1806, død 31-8 1877, gift i Klepp 28-11 1832 med Anne Berte Pedersdotter Ytre Salte (Øgard), fødd 2-3 1806, død 30-9 1833, gift 2) i Klepp 3-4 1838 med Elisabet Henriksdotter Vig, fødd 29-10 1809, død 31-6 1867, dotter til Henrik Monsson Vig og kona Berta Jansdotter, f. Gruda. Johannes byksla Heien i 1831 av Tolleiv Jonson Skeie, Torger Erikson Ase, Ola Toreson Lende, Peder Jonson Mauland, Ola Olson Høyland d. e., Jon Rasmusson Høyland, Ole Johannes Olson og enkja Anna Rasmusdr. med verge Andreas Olson Høyland. I 1854 fekk Johannes kjøpa 4 spand av Jakob Elias Håvardson, Ole Olson, Bernt Olson, Omund Omundson, Rasmus Johnson og Hans Vikanson for 83 spesidalar. Johannes fekk 4 barn i andre gifte:

1. Johannes Johannesson Heien (136.).
2. Anne Berte Johannessdr., f. 1-12, gift 21-3 1872 med enkjemann Ola Olson Salte, deira dotter: Elisabet Justine, gift med Rasmus Pollestad Høyland (173.).
3. Henrik Johannesson, f. 14-10 1843, gift i Stavanger 1876 med Marta Hansdr. Helvig, f. 1844. Budde i Stavanger.
4. Jonas Johannesson, f. 18-7 1847, gift 21-11 1871 med Berta Elisabet Olsdr. Søyland. Handelsmann i Stavanger.

97. Knut Tjærandson Nærland var son til Tjærand Paulson Nærland og Anna Maria Toresdr. (Nærland 30. 3.). Han var fødd 25-4 1821, gift 17-11 1847 med Kirsten Halvardsdr. Høyland, fødd 1825, dotter til Halvard Johannesson (75.). — Han budde på Høyland til 1851, då flutte han til Stavanger. Ein son var fødd på Høyland:

Tjærand Knutson, f. 23-3 1848.

98. Ola Olson Salte var son til nr. 56., f. 4-9 1808, d. 14-10 1872, gift 12-3 1839 med

Anna Asbjørnsdotter Njærheim, f. 29-3 1810, d. 3-9 1877, dotter til Asbjørn Simonson Njærheim og kona Anna Olsdr. (Njærheim 84.) Ola Olson brukte 8 sp. eller 1 dalar 1 ort i 1838. Men anten det var denne Ola eller far hans skal vera usagt. Der er ingen ting skreve om når han tok over bruket av faren, så vidt eg har set. Men i 1868 selde han 4 ort og 18 skilling, — 1 n. 21 b. bnr. 19 med Rugland, til sonen Ola Olson Salte. — Ola Olson og Anna Asbjørnsdr. fekk 5 barn:

1. Ola Olson, f. 25-2 1840 (138.).
2. Asbjørn, f. 14-12 1841, gift 31-10 1871 med Karen Rasmusdr. Horpestad.
3. Bernt Olson, f. 29-11 1843, gift med Elen Gitlesdr. (Njærheim 98.) Han var bygningsmann i Stavanger.
4. Anna, f. 14-1 1846, gift 2-4 1869 med Ola Andreasson (132.).
5. Anna Kirstina, f. 5-8 1849.

99. Ola **Svenson** var son til nr. 67. Han var fødd på Gråsteinsholen under Anda 20-2 1803, d. 7-9 1884, gift i Varhaug 6-11 1827 med Guri Monsdr. Skretting, f. på Bø 28-3 1802, d. 12-9 1891. Dei budde i Vasbotn og var vanleg kalla Pronsa-Ola og Pronsa-Guri. Guri var dotter til Mons Monsson Skretting frå Bjorland og første kona Malena Tolleivsdotter frå Varhaug. (S-Varhaug 67. 5.) Ho var halvsysster hans Kari-Sven. Dei hadde 5 barn:

1. Isak, fødd (1828?), gift 8-4 1858 med Marta Malena Voll. Budde i Vasbotn (118.).
2. Sven, f. 16-2 1832, gift 26-11 1857 med Taletta Larsdr. Tjøtta. — Budde på Horpestad i 1865.
3. Mikal, f. 27-5 1838.
4. Malena, f. 17-7 1840, d. 23-3 1842.
5. Marta Malena, f. 4-2 1835.

100. **Tov Kittelson** var frå Telemark, f. i Tinn kring 1810, gift 7-11 1833 med Berta Kirstina Kristofersdr. Rimestad, f. 28-8 1811, dotter til Kristofer Jakobson Rimestad og Berta Olsdotter (Rimestad 36.). Tov kjøpte eit plass, Svimbel, av Omund Omundson (88.) i 1855 for 76 spd., det seinare bnr. 22. Eg kan ikkje sjå at korkje Tov eller Berta Kirstina er gravlagde i Haa. Dei fekk visst 9 barn:

1. Berta Kirstina, f. 5-12 1833.
2. Tabitta, f. 2-9 1836, d. 5-10 1867.
3. Kirsten Olina, f. 23-7 1840, gift 24-10 1867 med Ola Olson Sporeland. (Sjå II. Brueland 20.)
4. Karen Taletta, f. 3-1 1844, d. 30-1 s. å.
5. Karl, f. 10-5 1845, reist til Amerika.

6. Anna Kirstina, f. 17-7 1850, gift 16-4 1874 med Lars Omundson Asseim. (Bd. II. Asseim 10.)
7. Bernt Tobias Høyland, fødd 19-8 1852 (155.).
8. Hanna, f. 19-10 1856, flutt til Høyland sokn i 1876.
9. Kaleb, f. 19-12 1859.

101. **Mikkel Pederson Heien**, son til 51., fødd kring 1764, død 11-6 1822. Gift 1799 med Johanna Larsdr. Friestad, fødd 3-6 1774, d. 6-11 1858, dotter til Lars Ellingson Roligheden under Friestad i Ognå. Dei hadde butt på Rimestad før dei kom til Høyland (sjå Rimestad 35.) og var komne til Høyland i eller litt før 1801, der dei var husmansfolk på Bekkeheien. 1 barn var fødd på Rimestad og 6 på Høyland:

1. Ingeborg, f. 24-8 1800, var truleg gift med Mikkel Mikkelson Heien (81.).
2. Lars Mikkelson, fødd 3-2 1803, gift i Stavanger 1836 med Inger Svensdr. Risa (Risa 61. 5.).
3. Malena Mikkelsdr., f. 12-1 1806, ho vart gift med ein Even Larsson frå Stavanger. Dei fekk ei dotter før dei var gifte, Elen Malena Evensdr., f. på Høyland 31-8 1833, som vart gift med Ståle Hansen Stuhaug frå Bakke sokn som var garvar og budde ei tid i Flekkefjord. Ei dotter, Emma Hansen, f. i 1872, gift med rodemester Gerhard Olsen i Oslo. Dei var foreldra til statsminister og stortingsmann Einar Gerhardsen.
4. Ane Berte Mikkelsdr., f. 12-12 1808. d. 8-2 1880. Ho var ugift, men hadde ein son, Andreas Olson (Njærheim).
5. Johanna Mikkelsdr., f. 22-11 1812, gift i Klepp med Lars Eivindson Høyland (106.).
6. Peder Mikkelson, f. 8-11 1815, d. 12-3 1816.
7. Elen Olina, f. 11-10 1817.

102. **Elling Pederson Steinsland**, son til Peder Olson Steinsland i Time og kona Elen Olsdr. Han var fødd 15-7 1817, død 9-10 1881. Gift 2-7 1846 med Aselina Pedersdr. Vigre (Vigre 42.), fødd 26-4 1822. Elling kjøpte 3Vi² spand av Hans Vikanson i 1854 for 75 dalar. I 1886 var han på bnr. 1. Dei hadde 7 barn:

1. Peder Ellingson, f. 22-8 1846 (sjå 151.).
2. Elen Ellingsdr., f. 20-5 1851, gift 9-4 1875 med slaktar Martin Monsson Folkvor på Sandnes.
3. Anna Ellingsdr., f. 7-2 1854, gift med Rasmus Eivindson (104. 6.).

4. Pernille Ellingsdtr., f. 19-1 1857, d. 12-1 1862.
5. Anna Elisabet, f. 18-12 1857, gift med enkjemann Martin M. Folkvor.
6. Palle Ellingson Nærland, f. 6-12 1862 (Nærland 50.).
7. Elen Olina Ellingsdtr., f. 31-1 1866, gift med Søren Svenson Lode (Høyland 162.).

103. Sivert Torstenson Bekkeheien var son til Torsten Olson Rimestad og kona Guri Simonsdtr. (Rimestad 31.) — Dei budde på Bekkeheien frå 1845. — Om barna sjå Rimestad.

104. Torkel Torkelson Undheim var son til Torkel Torkelson Undheim og Guri Jespersdtr. frå Skårland. Han var f. 11-3 1825, d. 9-9 1907, gift 26-8 1847 med Serina Svensdtr. (Opstad 41. 14.), f. 17-4 1816, d. 24-11 1890, dotter til Sven Olson Opstad og andre kona, Malena Larsdtr. — Torkel byksla "Rugland" av Rasmus Jonson (84.) i 1854. Rasmus var syskendebarn til kona hans Torkel. Dei fekk 5 barn:

1. Malena, fødd på Dampen (Næsheim) 19-11 1847, gift 25-11 1869 med Asbjørn Asbjørnson Pollestad. Budde i Stavanger.
2. Sven, f. på Høyland 1-8 1850 (Rimestad 62.).
3. Guri, f. 23-2 1853, d. 7-5 1936. Ho var ugift, men hadde 2 døtre: — 1. Grete Gabrielsdtr., f. 6-11 1874. 2. Karen Hansdtr., f. 28-12 1885.
4. Ingeborg Serine, f. 17-4 1856, gift 5-11 1880 med Tønnes Torkelson Ueland (Søyland 43.).
5. Tobias, f. 7-12 1858 (Reime 50.).

105. Peder Monsson Haugland var truleg son til Mons Samuelson N-Haugland i Time og kona Anna Svensdtr. Han var fødd i 1784, gift 2-4 1834 med Taletta Larsdtr. Oma, fødd 16-5 1813. Peder var skreddar og budde på Haugland til kring 1840. I 1841 byksla han Bekkeheien med Rugland av Asbjørn Sivertson Skeie. I 1844 flutte han med kona frå Høyland til eit plass under Løge.

106. Lars Eivindson var son til 69. Han var fødd på Høyland 19-4 1811, død 19-4 1885, gift i Klepp 14-12 1834 med Johanna Mikkelsdotter Høyland, fødd 22-11 1812, død 23-9 1896, dotter til nr. 101. Lars var husmann under bnr. 6, Omund Omundson og sidan Ola Pederson i 1865. Plasset var kalla Sandholen. Dei fekk 5 barn:

1. Helena Larsdtr., f. 9-4 1835.
2. Malena Larsdtr., f. 5-2 1838.
3. Johanna Larsdtr., f. 15-1 1841, d. 1842.
4. Lars Larsson Høyland (135.).
5. Laurits Larsson Høyland (134.).

107. **Sven Svenson Bekkeheien** son til 67. og bror til 99. Han var fødd på Anda 12-3 1806, død 11-2 1878, gift 3-12 1835 med Gjertrud Kirstine Torgrimsdtr. Ægren i Ognå, fødd 1810, død 10-4 1891, dotter til Torgrim Aslaksen Ægren og kona Marta Malena Eriksdtr. Sven var husmann på Tangen. Han var på Høyland i 1836, sidan budde han ei tid som husmann på Rosland i Klepp, — men var komen til Høyland att før 1865. Han hadde lånt 25 spesidalar av Jon Rasrnusson Opstad mot pant i husa sine på plassen Breiholen under Høyland. Av dei 5 barna var eit født på Høyland og dei andre på Rosland:

1. Tolleiv Svenson Tangen, f. 15-7 1836 (sjå 130.).
2. Marta Malena Svensdtr., f. 29-3 1841.
3. Sille Maria Svensdtr., f. 20-12 1843, g. 6-12 1877 med Abraham Gabrielson Rimestad (sjå Njærheim 125.).
4. Anna Kirstine Svensdtr., f. 31-1 1846, ho budde som enke på Tangen i 1900. Hadde vore gift med Omund Tjærandsen frå Vikadal.
5. August Johan Svenson, f. 20-12 1853, reist til USA.
6. Sven Svenson, f. 22-1 1849, d. 4-1 1854.

108. Tobias Svenson Bekkeheien var son til 68. Han var f. (1825?), gift i Klepp 18-10 1849 med Ane Berte Olsdtr. Salte, f. 13-8 1825, dotter til Ola Rasrnusson Salte og Anna Karina Henriksdtr. Tobias kjøpte Bekkeheien av Tønnes Eivindson, Ola Olson og Gabriel Eivindson i 1855, 2 sp. for 80 spd. som han brukte i 1865. Ikkje lenge etter flutte han til Salte att, og Rasmus Olson var på denne plassen i 1868. Tobias og Ane Berte fekk 5 barn som alle var fødte på Høyland:

1. Sven, f. 28-7 1851, gift 19-12 1876 med Pernille Pedersdtr. Salte.
2. Ola, f. 12-11 1854, d. 21-1 1864.
3. Martin, f. 12-6 1858, gift 9-4 1880 med Elen Pedersdtr. Torland (Torland 71.).
4. Anna-Karina, f. 25-9 1861, gift 22-7 1858 med Andreas Rasrnusson Refsnes. Budde på Salte.
5. Marta Karoline Andrea, f. 7-10 1863, død ugift.

109. Eivind Eivindson var son til Eivind Larsson (69.). Han var f. 21-6 1821, d.

15-12 1897, gift 4-4 1851 med Ingeborg Pedersdtr. Lerbrek, f. 7-7 1822, d. 6-5 1890, dotter til Peder Pederson Figjanne og kona Elen Rasmusdtr. (Lerbrek 26. 1.) Dei budde fyrst ei tid på Næsheim, men kom til Høyland kring 1855. I 1865 er han oppført med ei skuld av 2 d. 3 ort 12 skil. og det må plent ha vore bnr. 6, som Ola Ole Johannesson hadde brukt, — og som Omund Omundson Rimestad brukte seinare. Det kan nok vera at dette ikkje er rett, for det er ikkje sagt kven Eivind fekk bruket av. Dei fekk 6 barn:

1. Ingeborg, f. 27-12 1851, d. 22-8 1856.
2. Ola Eivindson, f. 6-9 1853 (153.).
3. Peder, fødd 14-1 1855, gift 1878 med Marta Olsdtr. Tjora, Ølberg, f. 8-5 1846. Han var sjøm. og budde i Stavanger.
4. Elias, f. 16-2 1857 (152.).
5. Anne Henrikke, f. 5-4 1859, gift med Lars Larsson Høyland (135.).
6. Rasmus, f. 24-6 1862, gift 20-1 1893 med Anna Ellingsdtr. Høyland (102.). Sjømann. Ingeborg Pedersdtr. hadde ei dotter før ho var gift: Guri Abrahamsdtr., f. 1846, gift med Abel Sivertson Bø (Bø 110.).

110. Ola Ole-Johannesson, son til 70. Han var fødd 15-2 1823, død 2-3 1906, gift 9-6 1853 med Berta Maria Olsdotter Lerbrek, fødd 13-12 1818, død 15-3 1903 (sjå Lerbrek 23. 2.). Ola byksla $9\frac{1}{3}$ sp. i Høyland av Kornelius Kvalbein og Asbjørn Vig i 1860, visst nok etter Jon Toreson (90.). — I 1865 står han som husmann under Omund Omundson som då brukte dei $9\frac{1}{3}$ spand. Dei hadde visst 4 barn:

1. Berte Olsdtr., f. 8-3 1854, gift 31-3 1887 med enkjem. Ole Andreas Adamson Valdeland i Varhaug.
2. Bertine Olsdtr., f. 10-5 1855.
3. Oline Olsdtr., f. 18-1 1859. Ho var gift (1893?) med enkjemann Ola Olson Olshagen (Hallingen?).
4. Johannes Olson, f. 5-6 1862.

111. Sven Monsson (Kari-Sven), var son til Mons Monsson Skretting frå Bjorland og andre kona Kari Svendsdtr. Opstad. Han var fødd 21-2 1837, død 8-2 1916, gift 22-3 1877 med Guri Mikkelsdotter Ueland, fødd 19-7 1831, død 12-11 1906 (sjå S-Varhaug 67. 6. og Ueland 57. 1.). Sven var husmann på Høyland. Dei var barnlause.

112. Rasmus Olson Salte var son til Ola Rasmusson Store Salte og kona Anna Karina Henriksdotter frå Hårr, syster til 79. og 80. på Høyland. Han var fødd 18-5

1832, gift 18-12 1872 med Sara Sofie Olsdotter Våland (sjå der 27. 1.) fødd i Time 15-5 1832. — Dei budde ei stutt tid på Bekkeheien, seinare på Salte.

113. Ola Olson Kydland var son til Ola Styrkardson Kydland i Varhaug og kona Gjertrud Nilsdtr. frå Høyland (sjå 43.). Han var f. 18-6 1812, d. 26-8 1895, gift 22-6 1841 med Elen Eriksdtr. Skretting, f. 23-10 1819, d. 10-10 1894, dotter til Erik Halvardson Skretting frå Risa og kona Berta Pedersdotter Skretting (Skretting 87.). Dei budde som husmannsfolk på Skretting til 1854, då dei kjøpte 3 sp. i Høyland av Hans Vikanson for 75 spd., bnr. 2. 4 barn var fødte på Skretting og 1 på Høyland:

1. Anna Johanna, f. 23-9 1842, gift 12-4 1872 med Peder Gabrielson Homse i Ognå.
2. Olina, f. 15-3 1846, reist til Amerika.
3. Elias Olson Høyland, fødd 26-12 1849 (144.).
4. Elen, f. 23-9 -855, gift 14-11 1878 med Kristian Abrahamson Åse. Kristian med Bekken (147.).

114. Andreas Kristenson — var son til Kristen Erikson Næsheim (58.) og kona Maren Nilsdtr. frå Mauland. Han var f. 2-5 1808, d. 20-7 1864, gift 8-11 1855 med Sara Andreasdtr. Lode, f. 13-12 1834, d. på Grøtheim 25-4 1870, dotter til Andreas Andreasson Lode frå Høyland og kona Anna Simonsdtr. (Lode 49. 1.). — Andreas var husmann under Tov Kittelson. Dei fekk 3 barn:

1. Karl Mandius, f. 30-12 1856 (148.).
2. Anna, f. 24-12 1859, død ugift.
3. Enevald, f. 25-6 1863, reist til Amerika.

115. Karl Olai Rasmusson var son til nr. 73. Fødd 13-1 1822, d. 12-4 1912, gift 4-12 1851 med Karen Jonsdtr. Næse, f. 10-11 1816, d. 18-4 1908, dotter til Jon Hansson Næse (Varberg) i Klepp og kona Berta Kirstina Eliasdtr. Dei budde på Tangen, og hadde visst berre 1 son:

Karl Olai, f. 17-5 1857 (156.).

116. Kornelius Rasmusson var bror til 115. Han var fødd 19-2 1824, gift 16-4 1857 med Rakel Elisabet Omundsdr. Høyland, fødd på Kalsvaren i Varhaug 21-2 1833, dotter til 88. Kornelius var leiglending på bnr. 4, som Kornelius Kvalbein åtte, og broren Karl Olai var husmann under det same bruket. Kring 1870 flutte dei til Soma i Høyland. (Sjå der nr. 82.) Dei fekk 2 barn på Høyland:

1. Rasmus Korneliusson, f. 11-2 1862.
2. Rakel, f. 24-6 1865, gift 20-11 1885 med Tore Toreson Voster (sjå Soma 107.).

117. Ola Pederson var son til Peder Olson Rimestad og kona Anne Berte Olsdr. (Rimestad 49.) Han var fødd 27-1 1822, død i Klepp 19-5 1913, gift 31-3 1857 med Kirsten Omundsdatter Høyland (88.), f. 1-6 1831, d. 18-12 1890, gift 2) 18-6 1892 med Berta Serina Rasmusdr. Friestad, f. 14-9 1839, d. 28-5 1917. Ola kjøpte 6 spand av verfare i 1858 for 100 spesi-

1. Rakel Olsdr., f. 17-8 1858, d. 21-2 1869.
2. Anna Olsdr., f. 16-6 1860, gift med Østen Olson Næse i Klepp.
3. Omund Olson Høyland (sjå 152.).
4. Peter Gabriel Olson, f. 3-2 1865, d. 6-10 1882.
5. Rasmus Olson, f. 10-3 1868. Skomakar i Stavanger.

118. Isak Olson Vasbotn var son til 99. Fødd 1826, død 1-1 1893, gift 8-4 1858 med Marta Malena Olsdr. Voll, f. 1825, d. 22-9 1916 (sjå Voll i Varhaug 69. 3.). Budde i Vasbotn. Dei hadde 4 barn:

1. Gurine Isaksdr., f. 15-11 1859, gift med enkjem. Karl Bertinius Stokka i Høyland (sjå der 45.).
2. Oline Serine, f. 19-8 1862, gift i Stavanger 1885 med Andreas Ingvald Olson Rongen (sjå Kvia 41. 1.).
3. Olette Maria, f. 22-3 1867, gift med sjømann Nils M. Nilson Rødland.
4. Ingeborg Malena, f. 4-6 1872, gift med Peder P. Folkvor.

119. Tønnes Eivindson Frøyland var son til Eivind Olson Frøyland i Time og kona Johanna Torgersdr. (sjå Næsheim 93.). Han var f. 9-7 1832, d. 27-6 1910, gift i Klepp 15-11 1859 med Berta Karina Gunnarsdr. Salte, f. 12-10 1836, d. 9-7 1900, dotter til Gunnar Olson Re (Salte?) og Anne Nilsdr. frå Herigstad. — Han kjøpte 2 $\frac{1}{2}$ sp. i Høyland av Jakob Elias Håvardson i 1855, med Rugland, for 100 spd., bnr. 15. I 1880 selde han Broholen (bnr. 18) til Jonas Jonasson (Søyland?). Dei fekk 7 barn:

1. Eivind, f. 4-8 1860, d. 23-6 1861.
2. Eivind, f. 4-4 1862, d. 10-10 1863.
3. Anna, f. 14-6 1864, — hadde ein son: Teodor Omundson, f. 4-9 1882, skomakar på Bryne.
4. Johanna, f. 3-6 1867, d. 20-1 1869.
5. Johanna, f. 29-8 1872, d. 25-2 1874.
6. Gabriel, f. 6-1 1875 (172.)
7. Berta, f. 3-8 1878, d. 14-3 1881.

Tønnes Eivindson hadde ein bror, Ola Eivindson, som visst og budde ei tid på Høyland. Han var seinare slaktar i Stavanger og kalla seg Høyland, gift 1) 23-10 1860 med Olina Ole Johannesdr. Hognestad, gift 2) med dotter til Halvar Bjørnson Netland i Bjerkreim, som var moster til banemeistar R. Skjærpe?

120. Omund Omundson Rimestad var son til Omund Omundson Rimestad og Berta Eriksdr. (Rimestad 44.) Fødd 24-6 1831, død på Njærheim 17-11 1905, gift 1862 med Dorthea Kristine Svensdr. Stokkeland, f. 29-5 1837, d. 3-12 1925 på Madla. Omund byksla $\frac{9}{13}$ spand i Høyland av Kornelius og Andreas Asbjørnson i 1870, visstnok bnr. 4 etter Kornelius Rasmusson. Men i 1872 kjøpte Gabriel Pollestad dette bruket, og Ommund flutte til Njærheim (108.). Før han kom til Høyland hadde han butt på Søyland. Han hadde 10 barn:

1. Ola, f. på Søyland 29-6 1862, gift i Stavanger 22-6 1894 med Inger Elen Olson. Han var sjømann.
2. Samuel Johan Omundson, f. på Rimestad 22-12 1863, død i Stavanger 2-5 1950, gift i Stavanger med Anna Hytland. Han var murmeistar i Stavanger.
3. Bertine Omundsdtr., f. på Høyland 17-12 1865, d. 1933, ugift.
4. Dorthea Malena Omundsdtr., f. på Høyland 27-8 1867, gift 1898 med Omund Mathiasson Rimestad (Rimestad 72.).
5. Edvard Omundson, f. 4-3 1869.
6. Omund Omundson, f. 25-11 1871.
7. Karl Omundson, f. på Njærheim 3-7 1875.
8. Hans Omundson, f. på Njærheim 3-7 1875, d. 22-9 1966. Murar i Stavanger.
9. Maria Omundsdtr., f. på Njærheim 26-8 1977, død same året.
10. Mathias Omundson, f. på Njærheim 4-11 1880.

121. Tønnes Gabrieison, son til 85., fødd (1836?), død 4-9 1905. Gift 4-4 1867 med Anna Maria Olsdotter Høyland, fødd 30-3 1821, død 15-4 1899 (dotter til 61.). Tønnes kjøpte $\frac{7}{13}$ spand av Peder Jonson Hobberstad, bnr. 9, i 1868 for 200 dalar. Dei hadde ikkje barn, og Isak O. Valdeland kjøpte bruket i 1896.

122. Mikal Pederson Bekkeheien var son til Peder Johannesson Jorenkjøl, (sjå Skretting 69. 4.). Han var fødd 6-5 1836, død på Bryne 28-3 1904. Gift 1) 20-3 1863

med Taletta Siversdotter Salte, fødd 29-5 1838, død 10-1875, dotter til Siver Tosten-son Salte frå Rimestad og kona Barbro Eriksdtr. (sjå Rimestad 50.). — Gift 2) 23-11 1876 med Marta Malena Tolleivsdotter Skretting, fødd 6-12 1829, død 22-3 1892 (sjå Skretting 64. 2.). Mikal Pederson budde på bnr. 14 av Bekkeheien. Dei hadde 7 barn (andre gifte):

1. Berta, fødd 3-9 1863, gift med bakar Jakob Tønnesson, Sandnes.
2. Bertine Olava Mikalsdtr., f. 29-4 1865, gift i Stavanger 20-3 1888 med Karl Ole-Johannesson Engelsvåg, sjømann.
3. Sem Mikalson, f. 21-2 1867, gift med Tomine Olsdtr. Tjora. Budde ei tid på Bekkeheien, seinare på Soma og Ølbør.
4. Pauline Maria, f. 5-2 1869, gift 23-4 1902 med Ole Andreas Abrahamson Salte, gift 2) med Peder Abrahamson Salte. Sjømann i Stavanger.
5. Elen Taletta, f. 4-12 1871, gift med Elling Johannesson Bekkeheien (175.).
6. Tomine Margreta, f. 19-5 1873, gift 18-8 1897 med Hans Johan Josefson Primstad (sjå Primstad Varhaug 16.).
7. Mikal Mikalson, f. 7-5 1875, d. 8-5 s. å.

123. Ola Gabrielson Rimestad (sjå Rimestad 48.). Var fødd 1-5 1835, død 3-8 1876, gift 3-4 1862 med Karen Torkelsdtr. Undheim, fødd 26-6 1837, død 2-10 1923, dotter til Torkel Torkelson Litle Undheim og kona Guri Jaspersdtr. Ola var husmann under Eivind Eivindson i 1865. — (Enden) 6 barn:

1. Tobias Olson, f. 21-12 1863 (sjå 157.).
2. Olaus Olson, f. 21-12 1866, gift 13-10 1893 med Maria Olsdtr. Time. f. 1870, d. 22-7 1958. Budde på Åse.
3. Enevald Olson Høyland, f. 18-11 1868, gift med Maria Hansdtr. Rimestad (Njærheim 114.). Budde på Åse.
4. Georg Olson Høyland, f. 1871, d. 1-4 1952, gift 28-3 1895 med Theodora Fanuelsdtr. Haugstad, f. 3-2 1872, d. 17-11 1962 (sjå Haugstad Varh. 53. 2.). Han budde på Soma og Røyneberg.
5. Karen Olsdtr., f. 4-10 1873, gift med Jon Jonson Salte. Budde på Serigstheio i Klepp.
6. Johan Garman Høyland, f. 4-8 1875, d. 20-1 1893.

124. Tjerand Rasmusson var son til nr. 84. Fødd 11-3 1833, gift 1-12 1864 med Elen Maria Halvardsdtr. Høyland, fødd 27-1 1838, død 15-12 1878, dotter til 75. Tjerand kjøpte bnr. 8 av medarvingane i 1879 for 1300 spd. + følge til mora. Tjerand Rasmusson hadde 6 barn:

1. Rasmus, f. 17-3 1866, d. i Dakota, gift 22-3 1895 med Karen Nilsdtr. Re.
2. Gurina, f. 29-7 1867, reist til Amerika.
3. Inger, f. 2-7 1869, d. 10-3 1872.
4. Inger Gedine, f. 25-6, gift i USA med Søren Ivarson Rimestad.
5. Hanna, f. 31-10 1875, reist til Amerika. (Rimestad 60. 2.)
6. Tomine, f. 20-7 1878, d. 13-3 1881.

125. Gabriel Rasmusson, bror til Tjerand. Han var f. 13-10 1841, d. 18-9 1931, gift 20-4 1865 med Taletta Hansdtr. Høyland, f. 1-4 1847, d. 29-3 1910, dotter til nr. 94. Han kjøpte bnr. 7 av verfarens Hans Vikp,nsen i 1872 for 200 spd. + følge til seljaren og kona. Garden vart truleg skriven på sonen Hans, for i 1886 er det han som står som eigar. Dei fekk 7 barn:

1. Berta, f. 23-5 1866, gift med Malun Årre, f. 11-5 1864. Budde på Bryne.
2. Hans, f. 6-5 1869, d. 2-7 s. å.
3. Gurina, f. 26-1 1872, gift 24-4 1896 med Fredrik Bertinius Anenson Næsheim (sjå Bjorland 29.).
4. Hans, f. 4-4 1875. Hans var ein tur i Amerika.
5. Rasmus, f. 3-9 1878 (169.).
6. Tilla, f. 2-8 1882, d. 14-1 1960, gift 10-10 1908 med Elias Eliasson Njærheim. Budde på Lura.
7. Gabriel, f. 6-3 1885.
8. Johanna Emilie, f. 14-11 1890, d. 23-4 1916, ugift.

126. Peder Toreson var son til 91. Fødd 1-11 1842, d. 1-1 1915, gift 5-11 1868 med Kirstine Olsdtr. Næse, f. 25-1 1841, d. 13-7 1910, dotter til Ola Olson Næse i Klepp og kona Kirsten Østensdtr. Peder Toreson kjøpte 8 sp. av Peder Jonson Hobberstad i 1868 for 200 spd. + følge til faren. Det var bnr. 13. Dei fekk 7 barn:

1. Anna Kirstina, fødd 19-8 1869, gift i Minnesota.
2. Tore, f. 20-8 1871 (171.).
3. Kirsten, f. 17-12 1873, gift i Minnesota.
4. Ole, f. 3-1 1877, død i USA.
5. Justine, f. 17-4 1879, d. 2-1 1883.
6. Johannes, f. 11-4 1881, død i Canada.
7. Kaja Justine, f. 26-12 1885. I Canada?

127. Peder Svenson (Skansen?) var son til Sven Olson Næsheim frå Kydland i Varhaug og kona Elen Pedersdtr. Håland (Næsheim 96.). Han var f. 12-2 1843, d. 14-1 1928, gift 8-7 1864 med Rakel Nilsdtr. Njærheim, f. 17-4 1829, d. 14-8 1910. (Njærheim 94.). Han budde fyrst ei tid på Næsheim, men i 1877 kjøpte han nokre markestykke på Høyland av Ola

Henrikson og Tønnes Eivindson for i alt 180 kroner. — Han byksla Bruholen av Gabriel Eivindson i 1864 med eit stykke i Storholsbråtet og noko i Storholmen, og ein part i Bruholen av Ola Olson? På den måten fekk han raske ihop ein heil gard, bnr. 17. Dei fekk 4 barn:

1. Malena, f. 8-4 1863, gift 18-4 1890 med Martin Olson Salte.
2. Nils, f. 14-4 1866, d. 2-6 s. å.
3. Nils, f. 20-4 1867, gift 9-5 1893 med Ingeborg Tomine Gabrielsdtr. Lode. (Rimestad 64.)
4. Sven, f. 14-5 1871 (163.).

128. Ole Andreas Pederson var bror til nr. 117. Fødd på Rimestad 26-3 1824, død 31-12 1907, gift 1) 12-12 1848 med Maria Tørresdtr.. Åsland, f. i Time 23-6 1805, d. på Tjøtta 1883. — Far hennar heitte kanskje Hans, for då ho er døypt er foreldra kalla: Bergitte Sivertsdtr. Åsland og Hans ... I 1865 heitte ho Maria Toresdtr. Då ho døde står der: "Maria Hansdtr. Tjøtta, fødd i Time, efter folks sigende Svensdtr. og Tørresdtr." På Tjøtta i 1865 er ho kalla "fraskildt". Ho hadde då hjå seg ei dotter, Bergitte Nilsdtr. 18 år og fødd i Stavanger. Ole Andreas var husmann under broren Ola Pederson på Høyland i 1865. Det heiter då at kona bur i Klepp. Han hadde faren og mora og systema Anna Guria hjå seg. Den 13-10 1886 vart han gift 2) med Maren Elisabeth Helgesdtr. Djøseland, f. 30-12 1840, d. 30-8 1916, overkøyrd av bil. Ole Andreas hadde ikkje barn (Djøseland 34. 3.).

129. Halvar Halvarson var son til nr. 75. Fødd 21-1 1835, d. 25-4 1878, gift (1866?) med Ane Ole-Andreasdtr., f. i Klepp 19-10 1843, d. 13-2 1923, dotter til Ole Andreas Pederson frå Gilja og kona Ane Pedersdtr. frå Kalberg. Denne Ane Pedersdtr. var fødd i 1803, og var dotter til Peder Nilsson Kverneland og Ranveig Monsdtr. frå Kalberg. Ole Andreas var forpaktar i Time ei tid, truleg på Lye. Seinare kom han til Orstad i Klepp, der Ane var fødd. Då han var død, flutte enkja og 6 barn til Vagle i Høyland (1849) og Halvar og Ane må vera gifte der. Halvar byksla Brusholen av Kornelius og Andreas Asbjørnson i 1867, med følge til mora Inger Elen Eriksdtr. I 1874 kjøpte han ein part av Gabriel Pollestad, bnr. 5, og like eins ein part av mora, som samanlagt fekk ei skuld av 23 mark, som enkja brukte i 1886. Halvar og Ane fekk 5 barn:

1. Inger Elen, f. 22-3 1868, gift 26-2 1890 med Isak Olson Valdeland (158.).

2. Helmik, f. 25-9 1870 (167.).
3. Ole Andreas, f. 17-5 1873 (Njærheim 133.).
4. Andreas, f. 24-3 1875, d. 7-4 1875.
5. Adolf, f. 20-3 1876 (Njærheim 144.) (Høyland 168.).

130. **Tolleiv Svenson Bekkeheien**, son til Sven Svenson nr. 107. Han var f. 15-7 1836, d. 2-3 1921, gift 3-4 1873 med Marta Eilevsdtr, f. 6-11 1847, d. 28-12 1926, dotter til Eilev Kristianson Åsland og kona Malena Svensdtr. frå Høyland (sjå nr. 67. 10.). Tolleiv kjøpte Tangen av Elling Pederson og Ola Kydland i 1868 for 75 spd., bnr. 8, og ein part av Ole Kristoferson Årre i 1873 for 350 spd., bnr. 9 av Bekkeheien. Ein del av det siste selde han att til Johannes Johannesson i 1875, bnr. 2. Tolleiv og Marta fekk 7 barn:

1. Severine, f. 24-12 1874.
2. Kirsten Justine, f. 12-5 1876, gift 25-11 1898 med Andreas Torgerson (166.).
3. Sven, f. 12-7 1879, d. 26-10 1884.
4. Elen, f. 15-12 1881, gift 14-2 1909 med Theodor Rolfson Skjeggstad, Lund.
5. Maria, f. 15-10 1884, gift 9-3 1907 med Osmund Salveson Moi, Lund.
6. Mine, f. 5-4 1887, død ugift.
7. Theodor, f. 19-12 1889, d. 23-6 1890.

131. **Albret Torkelson Tu** var son til Torkel Pederson Tu og kona Berta Guria Olsdtr. frå Bryne. Fødd 11-3 1841, gift 30-11 1865 med Johanna Andreasdotter Høyland, f. 25-5 1844, dotter til 87. Eg veit ikkje anna om han enn at 2 barn var døypte på Høyland:

1. Thomas, f. 4-6 1868.
2. Bergitte, f. 24-6 1870.

132. **Ola Andreasson Høyland**, son til 87., var fødd 1-8 1848, død' 15-11 1932. Gift 2-4 1869 med Anna Olsdotter Høyland, fødd 14-1 1846, død 6-2 1929, dotter til 98. Ola fekk skjøte på bnr. 20 av enkja etter farbroren, skipper Bernt Olson (61. 2.) i 1871 for 100 dalar. Det var faren, Andreas Olson (87.) som hadde brukt denne parten som leiglending. — Ola og Anna fekk 8 barn:

1. Anna Olsdotter, f. 8-4 1874, gift med Andreas Mellemstrand (165.).
2. Andreas Olson, f. 9-5 1869 (han var eldst).
3. Ola Olson, f. 8-8 1873. død i Amerika.
4. Seline Olsdtr., — f. 1-1 1871, d. 24-10 1951, ugift.
5. Olina Olsdtr., f. 30-1 1881, d. 4-1 1883.
6. Anna Olina, f. 22-3 1883, g. i Amerika.

7. Hanna Sofia, f. 9-0 1885, d. 9-9 1962, ugift.
8. Anton Olson Høyland, f. 24-7 1888, d. same året.
9. Anton Høyland, f. 2-12 1889, gift 1928 med Gudrun Skeie. Bur på Pollestad i Klepp.

133. Ola Rasmusson Bekkeheien, son til Rasmus Ingebretson (86.). Han var fødd 23-11 1831, død 27-9 1877. Gift 28-8 1869 med Berta Knutsdotter Lode, fødd 12-1 1835, død 7-5 1902 (Lode 42.). Ola Rasmusson kjøpte Bekkeheien av Gabriel Rasmusson, Rasmus Jonson, Andreas Olson og Ola Pederson i 1873 for 100 dalar. — I 1886 er han oppført med 4 bruksnr. 10, 11, 12 og 13, som samla gjorde 60 øre landskuld. I 1906 er alt samla i bnr. 10. Dei fekk 2 barn:

1. Kirsten Regina Olsdtr., f. 24-1 1870, d. 1952, ugift.
2. Ola Olson Bekkeheien, fødd 8-11 1877 (sjå nr. 174).

134. Laurits Larsson var son til Lars Eivindson, 106. Fødd 24-6 1848, død 23-5 1904, gift 16-10 1868 med Berta Kirstina Olsdtr. Høyland, fødd 3-8 1842, dotter til 71. Laurits hadde, så vidt eg veit, ikkje jord, men levde av det han fekk ved sal av sevsko og sevdekke. Dei fekk 11 barn:

1. Johanna, f. 30-3 1869, d. 1876.
2. Lisa, f. 23-10 1871, d. 13-1 1885.
3. Karen, f. 14-8 1873, gift i Stavanger 21-11 1897 med bødker Anton Gunvald Andreasson, f. i Hetland 1872.
4. Lars Johan, f. 28-3 1875, gift 11-1 1895 i Time med Elen Serina Ingebretsdtr. Pigberg, f. 7-10 1875. Han var komnearb. i Stavanger, død 20-8 1849.
5. Johanna, f. 16-3 1877, død ugift.
6. Maria, f. 8-11 1879, d. 29-3 1893.
7. Berta Kristina, f. 25-12 1881, gift med Johan Midtbø i Stavanger.
8. Olette, gift med Odd Oddson i Stavanger.
9. Ole, f. 27-4 1884, d. 7-3 1885.
10. Lisa, f. 11-12 1885, gift i Stavanger med Jens Berge.
11. Ole, f. 18-1 1889, gift 18-12 1910 med Karen Margreta Larsdtr. Haugstad i Varhaug, f. 12-9 1875, d. 1-11 1917. Bur på (Lode 86.).

135. Lars Larsson, bror til Laurits, var f. 21-12 1842, d. 16-10 1922, gift 1-6 1882 med Anna Henrikke Eivindsdtr., f. 5-4 1859, d. 8-6 1926, dotter til Eivind Eivindson (109.). Dei var syskenbarn. — Lars kjøpte Sandvikholen, bnr. 23, av

Ola Pederson i 1883 for 320 kroner, og fekk skjøte av Omund Olson i 1890. Dei fekk 5 barn:

1. Johanna, f. 21-10 1883, d. 26-7 1885.
2. Johanna, f. 15-3 1887, d. 12-3 1932, ug.
3. Lars Johan, f. 14-2 1889.
4. Eivind, f. 24-5 1892, d. 1959. Budde på Høyland.
5. Ingeborg, f. 1-7 1896.

136. Johannes Johannesson Bekkeheien var son til nr. 96. Fødd 11-2 1839, d. 25-5 1907, gift i Klepp 11-11 1869 med Berta Olina Olsdtr. Næse, f. 21-4 1849, d. 13-6 1922, dotter til Ola Olson Næse i Klepp og kona Kirstine Østensdtr. Han kjøpte bnr. 1, som var i 6 partar, av faren i 1868, for 150 spd. + følge. — Likeeins kjøpte han 2 partar av Peder Jonson Hobberstad, og 1 part av Gabriel Eivindson, som saman gjorde bnr. 4, og i 1875 kjøpte han 1 part av Ola Pederson og Omund Omundson, bnr. 3. Under same bnr. 3 kom så ein part som han samstundes kjøpte av Tollef Svenson. Med dette er han oppført i 1886 og 1906. Dei fekk 10 barn:

1. Elisabet-Justine, f. 24-7 1870, d. 5-12 1941. Ho var skreddar på Nærbø st. og ugift.
2. Kirstine, f. 1-12 1872, d. 7-4 1883.
3. Berta Olina, f. 8-2 1874, gift 28-10 1911 med Theodor Emilius Jonson Steinsland.
4. Johanna, f. 1-11 1876, d. 25-12 1880.
5. Jonas, f. 11-12 1878, d. 5-6 1935. Bygningsmann på Nærbø st., ugift.
6. Ole, f. 26-11 1880, d. 13-4 1883.
7. Johanna, f. 14-7 1882, d. 9-4 1883.
8. Ole, f. 3-3 1884 (176.).
9. Kajus, f. 17-12 1885. Bur i Canada.
10. Henrik, f. 6-1 1891. Bur i Canada.

137. Gabriel Gabrielson Pollestad var son til Gabriel Svaleson Pollestad og kona Kirsten Berntsdtr. frå Rosland. Han var f. 25-7 1848, d. 15-4 1899, gift 16-7 1872 med Helena Rasmusdtr. Høyland, f. 24-6 1852. Gabriel kjøpte bnr. 4 saman med Ole Kristoferson Åre av Kornelius Asbjørnson i 1872 for 200 spd. Sidan må han ha teke over bnr. 8 etter Tjærand Rasmusson, som enkja brukte attåt bnr. 4 i 1900 og 1906. Eg har ikkje funne noko kjøpebrev med omsyn til bnr. 8. Helena var dotter til Rasmus Jonson (84.) og syster til Tjærand Rasmusson. Dei fekk visst 13 barn:

1. Gabriel, f. 4-12 1872, d. 7-1 1883.
2. Rasmus, f. 12-4 1874 (173.).
3. Karl Johan, f. 31-1 1877.

4. Kirstine Justine, f. 11-8 1879.
 5. Gurine Emilie, f. 30-11 1881, gift 29-4 1917 med enkjem. Rasmus Gabrielson Høyland (169.).
 6. Gina Sofia, f. 19-4 1884, gift 4-12 1905 med Ola Larsson Oma, Ganddal. Seinare skilde.
 7. Hanna, f. 10-2 1887, gift i Amerika med Gilbert Garnas, Hallingdal.
 8. Johanna Bergitte, f. 6-5 1889, gift 24-10 1915 med Rasmus Pederson Torland, Ganddal (Torland 70. 5.).
 9. Gabriel, f. 15-8 1891, gift 15-4 1915 med Tilla Svensdtr. Rongen, f. 23-10 1892. Bur på Re.
 10. Karl Johan, f. 25-7 1893 (81.).
 11. Gerda Helena, f. 10-2 1895, gift 27-10 1917 med Erik T. Nærland (Nærland 56.).
 12. Selma, f. 27-3 1897.
 13. Gabrielle, f. 16-3 1899, d. 23-3 1900.
138. Ola Olson Salte var son til 98. Fødd 25-2 1840, død 10-7 1924, gift 13-4 1871 med Elen Helena Toresdtr. Rimestad, f. 18-5 1840, d. 4-6 1917 (Rimestad 45.). Han kjøpte bnr. 19 av faren i 1868 for 150 spd. + følge til foreldra. Dei hadde berre 1 son:
Olaus, f. 11-2 1872 (161.).
139. Hans Mikal Ellingson (Båda-Hans) var son til Elling Ellingson Lerbrek frå Pollestad og kona Guri Helena Hansdtr. (Kobberstad 44. 2.) Han var f. 8-6 1840, d. 23-6 1912, gift 20-3 1874 med Anna Andreasdotter Høyland, fødd 18-9 1835, d. 20-2 1916, dotter til 87. Han budde på Høylandsheiå, bnr. 29, og hadde ei dotter:
Hanna Seline, f. 1-3 1875, gift 27-1 1899 med Ole Eliasson (164.).
140. Lars Ålbretson Øglænd brukte Elling Pederson sin part, bnr. 1, i 1882. Han budde eller hadde butt på Bratholen under Næsheim. Seinare kom han til Trikanten (sjå Gudmestad 50.).
141. Ole Pederson Sæland var bror til 122. Han var fødd 31-5 1833, død 17-11 1914. Gift 1-7 1857 med Asselina Ellingsdotter Bratland, fødd 27-7 1827, død 19-4 1897 (sjå Bratland i Varhaug 19. 2.). Ole Sæland byksla 9V3 sp. med Rugland av Kornelius Asbjørnson Skeie i 1871. — Dette var bnr. 21. Han kom då frå Sælandsbakken i Varhaug. — Dei hadde 6 barn som alle var fødde på Sælandsbakken:
1. Berte Olsdtr., f. 20-6 1858, gift 24-11 1881 med Ole Eivindson Høyland (nr. 152).
2. Karen Olsdtr., f. 18-7 1859, gift 27-4 1904 med Martin Olson Salte.
 3. Ole Olson Sæland, f. 20-7 1861 (159.).
 4. Elling Olson Sæland, f. 6-1 1864 (160.).
 5. Maria Pauline Olsdtr., f. 25-10 1866.
 6. Anna Maria Olsdtr., f. 15-8 1868.
142. **Elling Jonson Rugland** var son til Jon Ellingson Rugland i Varhaug og kona Elen Olsdtr. Voll (sjå Rugland 38.). Han var fødd 7-10 1819. Gift 3-12 1849 med Gurine Asbjørnsdotter Voll (Voll 68. 4.), fødd 10-6 1830. Han hadde butt på Rugland og Øgard i Varhaug, men frå 1863 er han på Høyland, der 6 barn var fødde. Då han ikkje er nemnd korkje i matrikkelen eller Futerekneskapen, må han ha vore husmann. Seinare budde han på Alvaneset av Njærheim. 5 barn var fødde i Varhaug og 6 på Høyland:
1. Elen Ellingsdtr., f. i Varhaug 26-8 1850, gift med Sven Torkelson Høyland (sjå Rimestad 62.).
2. Asbjørn Ellingson, f. i Varhaug 3-4 1853 (Njærheim 123.).
3. Jon, f. 19-1 1855.
4. Jonas, f. 6-3 1857, d. 10-4 s. å.
5. Grete Juduthe, f. 12-3 1858, d. 23-8 1859.
6. Ingeborg Elise, f. på Høyland 24-6 1863.
7. Eilert Johan, f. 15-6 1866.
8. Nils, f. 10-3 1868.
9. Nils Elias, f. 2-8 1869.
10. Abraham, f. 8-4 1872.
11. Ole, f. 14-3 1876.
143. **Ola Olson Oddebakken** var son til Ola Olson Oddebakken på Åse frå Njærheim (Njærheim 88. 4.) og Tabitta Pedersdtr. frå Torland. Han var fødd på Torland 28-8 1843, død 24-10 1883, gift 12-10 1871 med Johanna Tabitta Hansdtr. Høyland, fødd 18-10 1854, dotter til nr. 94. Han kjøpte eit markestykke av Peder Toreson, bnr. 14, i 1878, for 600 kroner. I 1884 var bua konkurs, og parten vart seld til Nærbø fattigvesen, som selde det att til Martin Tobiasson Salte. Ola fekk 6 barn:
1. Ola, f. 8-2 1872, gift 23-1 1893 med Hanna Kristiansdtr. Åse. — Reist til Amerika.
2. Taletta, f. 20-12 1873, gift med Lars Håland, snekkar på Sandnes.
3. Berta, f. 14-10 1875, gift med Ragnvald Sporeland, Trones.
4. Hans Johan, f. 25-12 1877, gift i Chicago med Anna Svela.
5. Oluf, f. 1-6 1880, gift og død i Chicago.
6. Theodor, f. 20-7 1883, gift med Inge-

borg Andreasdr. Time. Murmeister i Chicago.

144. Elias Olson Høyland, son til 113. — Fødd på Skretting 26-12 1849, død 10-6 1897, gift 12-4 1877 med Grete Rasmusdotter Høyland, fødd 6-6 1847 (84. 8.). Elias Olson kjøpte Josepmyr-hagen og Haugen under "Brådene" og ein lut i sævo i Høylandsvatnet av Tønnes Gabrielson i 1879. I 1886 makebytte han Josepmyr-hagen, bnr. 10, mot Oddebakken, bnr. 14, med Martin Tobiasson Salte, son til nr. 108. Han er omskriven meir på Torland (71.). Den plassen der Elias budde kalla dei "Riggjæro". — Eg har grunna på det namnet. Det har visst aldri vore brukt på Høyland før hans tid. Er der ikkje ein plass på Re i Time som heiter Gjero. — Og hadde kanskje Elias eller far hans butt der? Namnet kan då koma av Re-Gjero. I alle fall heitte plassen på Høyland Oddebakken i 1886 og 1906. Men heller ikkje det namnet var det rette, for det høyrer til på Øvre Åse i Orre, der Ola Olson (143.) var komen i frå. Me har her eit godt prov og døme på korleis eit stadnamn kan fylgje med mannen frå stad til stad. Elias fekk 2 barn:

1. Ole Eliasson Høyland, fødd på Re 3-3 1878 (nr. 164).
2. Rasmus Eliasson, f. på Høyland 12-3 1882, d. 10-11 s. å.

Grete Rasmusdotter hadde ei dotter u. e.: Regina Gabrielsdr., f. 10-2 1875, gift 14-4 1898 med Martin Mortenson Fuglestad (sjå Bø 121. 5.).

145. Ola Olson Høyland, son til 79., var fødd 1-7 1845, død 9-8 1887. Gift 16-5 1884 med Anna Jensdotter Brekken i Varhaug (sjå S. Varhaug 90. 4.). Ho var fødd 25-1 1849. Ola Olson brukte bnr. 2 i 1886. Det kan sjå ut som det var det som Ola Olson Kydland hadde hatt? — Han fekk ei dotter:

Bergitte Olsdr., f. 25-12 1884, død på Vistvik i Randaberg 16-12 1906, ugift?

146. Jonas Jonasson var komen på Ola Henrikson sin part i 1879. Ola Henrikson hadde då kjøpt ein part av Tønnes Gabrielson, og Tønnes Eivindson, Bruholen, bnr. 12. Jonas var son til Jonas Pederson Risa og Anna Olsdr. Lindal. (Risa 66. 1. og Lindal 21. 5.) Han var f. 9-9 1846, gift 1874 i Ogna med Kirsten Maria Andersdr. Skogaskaret i Ogna. Budde ei tid på Søre Hetland i Ogna, seinare i Eigarsund.

147. Kristian Abrahamson var komen på bnr. 2 i 1881 etter Ola Olson Kydland (113.), og må såleis ha vore der før Ola Olson (145.)? Han var son til Abraham Johannesson Øvre Åse (Bekken) og Talletta Torkelsdr. Han var f. 19-9 1846, d. 1909, gift 14-11 1878 med Elen Olsdr. Høyland (113.). I 1892 er Karl Mandius Andreasson på dette bruket.

148. Karl Mandius Andreasson, son til 114., f. 30-12 1856, d. 19-11 1920, gift 11-4 1888 med enkja etter Ola Olson (145.) Anna Jensdr., d. 23-6 1925. Han åtte eller brukte 2 partar, eller helst 3, i 1900/1906, bnr. 2 etter Ola Olson, bnr. 12 etter Ola Henrikson, og bnr. 18 etter Jonas Jonasson. Dei fekk 3 barn:

1. Anna-Maria, f. 5-2 1889, g. i N-Dakota med Frits Lindseth frå Ålesund.
2. Jonas, f. 20-10 1890 (178.).
3. Ole Andreas, f. 9-6 1892, d. 31-3 1901.

149. Rasmus Ingebretson (Njærheim 90.-109.) (Eli-Rasmann) var son til Ingebret Rasmusson Njærheim og Elen (Eli) Hermansdr. frå Vestly. Han bar, liksom Kari-Sven, namn etter mora. Fødd 13-9 1824, d. 27-12 1907, gift 9-4 1880 med enkja etter Halvar Halvarson (129.) Ane Ole Andreasdr., d. 13-2 1929. Han budde på bnr. 3 og 5 som kona åtte, og fekk 3 barn:

1. Ingebret, f. 26-9 1881, reist til Amerika.
2. Hanna Elida, f. 15-3 1886, gift 6-4 1906 med Ole Pederson Håland (177.).
3. Enevald, f. 17-2 1888, reist til Amerika.

150. Johannes Ellingson Bekkeheien, son til Elling Enokson (93.). Fødd 9-8 1845, død 22-9 1886, gift 9-4 1878 med Kirsten Elene Pedersdr. Haugstad, f. 28-1 1856, d. 19-2 1921, dotter til Peder Mikalson Haugstad i Varhaug og kona Elen Kirstine Knutsdr. Voll (Haugstad 46. 3.). Enkja brukte Bekkeheien bnr. 5, 6 og 7 i 1900. 3 barn:

1. Elling, f. 24-4 1879 (175.).
2. Kaja Elene, f. 14-12 1880.
3. Seline, f. 27-12 1882.

151. Peder Ellingson, son til 102. Fødd 22-8 1846, død på Ålebekken 22-4 1917, gift 4-6 1876 med Berta Maria Eriksdr. Næsheim, f. 2-7 1847, d. 4-8 1921. Peder budde hjå faren i 1875, og var jernbanearbeidar. Det var på bnr. 1. Om han seinare brukte denne parten sjølv, veit eg ikkje. Det er faren som står for det i 1886. I 1900 er Tore Pederson på den parten. Peder flutte til Ålebekken av

Søyland seinare. Han hadde 9 barn som var fødte på Høyland (Søyland 46.):

1. Elling, f. 27-2 1877 (Njærheim 141.).
2. Eilert, f. 30-1 1878 (Rimestad 69.).
3. Peder, f. 26-3 1878, død i Amerika.
4. Anna, f. 22-6 1880, d. 7-7 1951, ugift.
5. Maria, f. 26-12 1881, gift 2-7 1910 med Peder Mikal Tobiasson Storebakken. Budde på Høyland.
6. Bertinius, f. 19-1 1883, d. 30-3 1903.
7. Pauline, f. 29-5 1884, gift med Lars Skjæveland, Ganddal.
8. Gurine, f. 26-5 1887.
9. Gabriel, f. 13-1 1889, gift 9-2 1913 med Marta Nilsdtr. Espevoll, f. i Vikadal 1891. Gabriel var ved N.R.K. i Oslo. Død 17-10 1941.

152. Omund Olson Høyland var son til Ola Pederson (117.). Han var fødd 5-11 1862, død 17-7 1912, gift 13-5 1888 med Mathea Olsdotter Hårr, fødd 17-5 1859 (Hårr 53.). Omund kjøpte bnr. 6 i 1889 for 1200 kroner, men vart ikkje verande lenge på Høyland. I 1890 er Ole Sæland på denne parten. Sidan budde Omund nokre år på Sandnes, og frå 1900 i Nærbø. Han dreiv mest med stein og jordarbeid, var ein sers flink gråsteins-murar og har mura mange hevdafjos og husagrunnar på Jæren. Han var ein stor humorist, ein songmeister og skrønemakar. Dei siste åra budde han på Bjorland. Dei hadde 8 barn:

1. Ole O. Høyland, f. på Høyland 10-12 1888, gift med Alfa Madsen Erga. Bur på Sandnes.
2. Kirsten Høyland, f. på Sandnes 1890, gift 23-9 1911 med Peder Erikson Lode (Lode 80.).
3. Oskar Høyland, f. 3-10 1891, gift med Elen Sivertsdtr. Sirevåg. Bur på Sirevåg.
4. Klara Høyland, f. 1892, gift med Abraham Kristianson Åse. Bur på Åse i Klepp.
5. Martine Høyland, gift med Ingebret Tjølsen. Busett på Sandnes.
6. Olga Høyland, f. 6-12 1896, gift med Andreas Anderson Tegle, Bryne.
7. Anna Høyland, gift 1) med Daniel Davidsen, gift 2) med Helleik Olsen, gift 3) med ? ? ?
8. Omund Omundson Høyland, fødd på Nærbø 15-7 1900, gift 14-5 1938 med Anna Jakobsdotter Hetland, f. i Ogna 25-11 1917. Bur på Lode.

153. Ole Eivindson, son til 109, var fødd 9-6 1853, død 21-3 1933, gift 24-11 1881 med Berte Olsdotter Sæland, fødd i Var-

haug 20-6 1858, død 17-4 1933, dotter til 141. Dei fekk 8 barn:

1. Ingeborg Olsdtr., f. 15-9 1882, d. 2-4 1883.
2. Ingeborg, f. 13-5 1884, ugift.
3. Anna Olsdtr., f. 6-11 1887, gift med Bernhard Håland (Håland, Varhaug 84. 7.). Skomakar på Pollestad.
4. Enevald Olsen Høyland, f. 11-11 1889. Ugift.
5. Olaf Høyland, f. 10-9 1891, gift 1926 med Amanda Leth, f. i Hardanger 3-2 1898. Bur på Høyland.
6. Ole Johan Høyland, f. 19-11 1893, gift med Bergit Bryne.
7. Peder Bertin Høyland, f. 8-12 1895, gift 28-8 1915 med Anna Kirstina Sør Reime, f. 1-12 1893 (sjå S-Reime 42. 2.). Bur på Høyland.
8. Johannes O. Høyland, f. 17-1 1903, d. 29-9 1959, gift 1944 med Helena Pollestad Høyland, f. 4-10 1902.

154. Elias Eivindson var bror til 153. Han var fødd 16-2 1857, død 30-9 1930, gift 1) 6-11 1884 med Ane Ådnesdtr. Bråstein, f. 1858, gift 2) 9-8 1901 med Elen Rasmusdtr. Kvia, f. 3-8 1868, d. 7-2 1958 (Kvia 50. 2.). Elias budde på bnr. 26, Sandvigen. Han hadde ikkje barn. Elen Rasmusdtr. sine barn:

1. Andrea Larsdtr., f. 7-6 1889, gift med Gabriel Pederson Bjorland (Bjorland 22. 9.).
2. Regina, f. 20-4 1898, d. 20-6 1966, gift med Trygve Jakobson Lie, f. i Sandnes 3-10 1896. — Bur på Tjøtta i Klepp (Kåsen).

155. Bernt Tobias Tovson, son til 100. — Fødd 19-8 1852, død 26-8 1944, gift 8-11 1882 med Rakel Elisabet Vigrestad, f. 13-11 1854, d. 30-9 1944 (Vigrestad 38. 6.). Han kjøpte bnr. 22 av mora i 1882, og i 1889 kjøpte han Jøssopmyr-hagen av Martin Tobiasson Salte, bnr. 10. — Bernt Tobias og Rakel Elisabet hadde 7 barn:

1. Torvald Høyland, f. 1-8 1883. Var busett i Amerika.
2. Lars Høyland, f. 16-7 1885, gift 4-11 1909 med Josefine Pedersdtr. Vigrestad, f. 28-9 1883 (Vigrestad 38.)? Budde på Tjelta.
3. Berta Kirstina Høyland, f. 18-11 1887, død 1888.
4. Bernt Tobias Høyland, f. 9-7 1889. I Amerika.
5. Kristofer Høyland, f. 9-10 1891, d. 14-4 1922, ugift.
6. Arnt Johan Høyland, f. 13-6 1894, d.

- 1920, gift 1918 med Beathe Øksnevad (sjå Våland 31. 3.).
7. Raket Elisabet Høyland, f. 30-10 1896, d. 30-3 1901.

156. **Karl Olai Karl Olaison Tangen**, son til 115. Fødd 17-5 1857, død 24-2 1933, gift 17-12 1910 med Oline Karoline Ole-Johannesdr. (Madla?) fødd 1886. Han budde på Tangen og var skomakar. Barn:

1. Karen Olina, f. 2-4 1912.
2. Olga Kristine, f. 24-5 1914.

157. **Tobias Olson Høyland**, son til 123. Var fødd 21-12 1863, død på Storebakken 8-6 1926, gift 16-10 1884 med Anne Elisabet Peder-Mikalsdotter Grøtheim, fødd 22-3 1860 (sjå Grøtheim 18. 7.). — Dei budde nokre år på Høyland, seinare på Storebakken (Reime 56.). Barn:

1. Ole Tobiasson Vigre, f. 2-11 1884 (sjå Vigre 63.).
2. Karen Høyland, f. 21-2 1889, gift med Ole Isakson Høyland (sjå Høyland 158. 1.).
3. Peder Mikal Høyland, f. 4-9 1891, gift 1) med Maria Pedersdotter Høyland, gift 2) med Sille (Djøseland 57. 7.).
4. Anne Elisabet si dotter: Margreta Johannesdr., f. 2-3 1882, gift med Peder Pederson Vigre (sjå Næsheim 115.).

158. **Isak Olson Valdeland** (sjå Valdeland i Varhaug 14. 2.). Han var fødd i Varhaug 27-1 1865, død 16-2 1937. Gift 26-2 1890 med Inger Elen Halvardsdotter Høyland, fødd 23-3 1868 (29. 1.). Dei budde nokre år på Valdeland, men kom truleg til Høyland kring 1896. Isak kjøpte bnr. 9 av Tønnes Gabrielson (121.), — og Tønnes budde som følgemann hjå Isak i 1900. Isak var bygningsm. Dei fekk 10 barn:

1. Ole Isakson, fødd på Valdeland 12-8 1891, gift 16-4 1910 med Karen Tobiasdr. (sjå 157. 2.). Bur på Høyland.
2. Halvard Isakson, fødd på Valdeland 25-12 1892.
3. Ingvald Valdeland, f. 20-10 1894, d. 17-5 1920, ugift.
4. Elisabet Valdeland, fødd på Høyland 17-1 1897, gift 10-2 1923 med Leonhard Lauritsson Erga.
5. Anna Valdeland, f. 22-3 1899, d. 14-4 1920, ugift.
6. Inga Valdeland, f. 5-2 1901. — Son: Valdemar, f. 22-10 1922, gift med Elfrid Malena Lerbrek, Varhaug (sjå der 49. 4.).
7. Berta Valdeland, f. 9-6 1902, gift 2-2 1929 med Arnt Kristoffer Andresson Nerli, Opstad.

8. Sven Valdeland, f. 20-7 1904, gift 16-4 1932 m. Gabrielle Tollaksdr. Ueland, Varhaug (sjå der 78. 8.).
9. Lena Maria Valdeland, f. 21-4 1907.
10. Johan Valdeland, f. 16-3 1909, gift med Johanna Schieve Bore, f. 29-9 1913. Bur på Høyland.
11. Ida Valdeland, f. 24-2 1913, gift 4-5 1935 med Tønnes O. J. Rimestad (Rimestad 70. 1.).

159. **Ole Olson Sæland** (141. 3.). Fødd 20-7 1861, død 21-4 1904. Gift 1) 3-4 1891 med Martine Larsdr. Vigrestad, fødd 5-8 1862, død på barnseng 4-1 1891, gift 2) 26-10 1893 med Ingeborg Gjermundsdtr. Haugland, fødd i Varhaug 9-12 1866, død 24-6 1919 (Haugland 32.). Ole Sæland hadde bnr. 11. Tuehei og Osen, og bnr. 24, Sæland. Han hadde 4 barn i andre gifte:

1. Ole Olson, f. 2-1 1896, d. 1902.
2. Jørgen O. Høyland, f. 11-6 1897 (179.).
3. Alida Høyland, f. 2-6 1899, gift med Laurits Andreasson Skretting (Skretting 121. 5.). Smed på Kverneland.
5. Oskar Høyland, f. 20-4 1901, død 1958, gift med Ingrid Andreasdr. Njærheim (sjå Søyland 47.).
6. Ole Olsen Høyland, f. 29-3 1903, d. 10-12 1951, gift med Emma Johannesdr. Fuglestad, f. 1902. — Budde på Tjøtta (Kåsen).

160. **Elling Olson Sæland**, bror til 159. Fødd 6-1 1864, gift 22-4 1904 med Grete Maria Johannesdr. Erga, fødd 10-3 1865, dotter til Jon Rasmusson Erga og kona Ingeborg Enoksdtr., f. Bekkeheien (72.). Elling var på bnr. 21. Barn:

1. Oskar, f. 16-9 1905, d. 27-3 1914.
2. Ella Gesine, f. 29-10 1911, gift 1941 med målar Erling Halvorson, f. i Oslo 26-7 1913. Bur på Re, Bryne.
3. Inga, f. 28-1 1919, gift 1938 med Olav Ivarson Mæland, Kverneland.
4. Anna, f. 1907, gift med Ingebret Olson Våland, Anda.

161. **Olaus Olson Salte**, son til 138. Fødd 11-2 1872, død 30-12 1936, gift 11-4 1899 med Grete Maria Toresdr. Våland, fødd 10-6 1872 (Våland 25. 4.). Olaus tok over bnr. 19 etter faren. Han var politisk interessert og var mykje nytta i det kommunale stell og styre. 5 barn:

1. Elen Helena Saite, f. 13-2 1900, d. 3-5 1949, ugift.
2. Ole Salte, f. 2-9 1901, d. 6-12 1947, ugift.
3. Maren Elisabet Salte, f. 14-9 1904.

4. Torgny Salte, f. 12-9 1908, gift 2-4 1932 med Ragnhild Njærheim, f. 13-7 1911. (Sjå Njærheim under 131. 4.) Torgny er sjåfør på Nærbø.
5. Gudrun Salte, f. 22-12 1911, gift 7-5 1937 med Ole Karlson Matingsdal, f. 17-10 1911. Bur på Høyland.

162. Søren Bertinius Svenson var son til Sven Svenson Lode og kona Berta Hansdtr. Næsheim (Lode nr. 68). Han var f. 7-5 1858, gift 1) 16-11 1888 med Elen Olina Ellingsdtr. Høyland, f. 31-1 1866, d. 24-4 1898, dotter til Elling Pederson (102.). Han var komen på bnr. 1 i 1884, etter verfarem, Elling Pederson. Det kan sjå ut som Ola Pederson Sæland og hadde hatt dette bruket før Søren, men det kan godt vera ei mistyding frå mi sida? Han var på Høyland i 1900, men i 1906 er han komen til Rimestad, og Tore Pederson har bnr. 1 på Høyland. Då Iste kona, Elen Olina, var død vart han gift 2) 1-2 1901 med Rakel Hansdtr. Rosland, f. i Klepp 13-2 1857, dotter til Hans Elias Eivindson Rosland frå Øvre Håland i Time og kona Berta Tolleivsdtr. Søren fekk 3 barn i Iste gifte:

1. Severin, f. 5-9 1889 (sjå Rimestad 74.).
2. Elling, f. 24-2 1891.
3. Søren Bertinius, f. 18-9 1892 (Rimestad 75.).

Rakel Hansdtr. hadde ei dotter: Regina Amalia, f. i Klepp 2-5 1881. — Far, Ola Olson Skretting, Regina Amalia gift med Rasmus Gabrielson Høyland (169.).

163. Sven Pederson, son til Peder Svenson (127.). Han var f. 14-5 1871, d. 25-12 1959, gift 19-4 1898 med Olina Nilsdtr. Reime, f. 18-1 1870 (Reime 57.1.). Han budde på Storerullen, som nå har bnr. 17 og 25, men som i 1900 hadde endå eit bnr. 16. Opphavelg var denne parten, eller noko av han, kalla Storholsbråtet og Storholen eller Holmen. Dei har hatt 4 barn:

1. Peder, f. 19-11 1899, gift med Hanna Nilsdtr. Oma. Bur på Salte.
2. Nils, f. 24-8 1901. Brukar farsgarden. Gift med Pauline Haga.
3. Rakel, f. 16-12 1905, gift med Johan Rugås, maskinist.
4. Trygve, f. 17-5 1908, gift 10-8 1941 med Astrid Beathe Anestad, f. 13-3 1910. Målar på Nærbø stasjon.

164. Ole Eliasson, son til 144., var fødd på Re 3-3 1878, død 6-9 1957. Gift 27-1 1899 med Hanna Seline Hansdotter Høyland, fødd 1-3 1875, dotter til 139. Han budde på bnr. 14, Oddebakken, også kal-

la Regjero, men begge desse namna skal vera lånte frå andre stader. Hanna Seline døde 5-1 1963. Dei hadde ein son:

1. Henrik Høyland, f. 16-9 1900, d. 24-1 1941, gift 14-2 1925 med Petra Olsdtr. Håland, f. i Klepp 2-4 1904. Deira son, Odd Høyland, f. 26-6 1928, gift 1954 med Doris Skretting, f. i Høyland 17-6 1928, brukte garden ei tid. Seinare seld til Edvard Sola i 1942.

165. Andreas Olson Mellemstrand, son til Ola Jensson Mellemstrand i Time og kona Ingeborg Olsdtr., f. Varp i Bjerkreim. Han var fødd i 1872, død 25-6 1952. Gift 6-4 1900 med Anna Olsdotter Høyland (132. 1.), fødd 8-4 1876, død 25-7 1948. Andreas tok over bnr. 20 etter verfarem. Dei hadde 9 barn:

1. Osvald Mellemstrand, f. 10-6 1902, gift 19-7 1925 med Karoline Olsdtr. Stokkeland frå Kvinesdal, f. 19-11 1901.
2. Alfred Mellemstrand, f. 20-10 1905, d. 3-9 1966, gift 29-1 1930 med Anna P. Vigre, f. 5-5 1907 (Næsheim 115. 1.).
3. Astrid Mellemstrand, f. 10-3 1904, gift 29-11 1930 med Ingvald Thorsen, f. 8-4 1908 (sjå Bø 155.).
4. Ingvald Mellemstrand, f. 11-7 1907, gift i Kanada.
5. Arne Mellemstrand, f. 16-5 1909, gift 1935 med Målfrid Salte.
6. Andreas Mellemstrand, f. 19-4 1911, gift 1941 med Jofrid Sæland, f. 2-7 1916. Bur på Høyland.
7. Ingeborg Mellemstrand, f. 11-11 1912, gift 17-8 1935 med Torger M. Salte.
8. Jens Mellemstrand, f. 21-11 1914, gift 3-8 1940 med Åsa Asbjørnsdotter Vik. Barber og frisør på Nærbø.
9. Sverre Mellemstrand, f. 8-8 1916, gift 1942 med Maria R. Salte.

166. Andreas Torgersen Bekkeheien, son til Torger Jensson Mellemstrand og kona Else Rasmusdtr. frå Osland i Bjerkreim. Han var syskenbarn til 165. Fødd på Nevland i Eigersund 26-9 1875, død 4-2 1961. Gift 25-11 1898 med Kirsten Justine Bekkeheien, fødd 12-5 1876, død 3-7 1959 (dotter til 130.). Han hadde teke over Tangen av Bekkeheien, bnr. 9 og 8 i 1900. Dei hadde 10 barn:

1. Theodor Bekkeheien, f. 9-7 1899, gift 1921 med Hansine Hjelmestad, f. i Kvinesdal 8-10 1895. Bur på Tangen.
2. Margit Bekkeheien, f. 7-11 1900.
3. Elise Bekkeheien, f. 25-9 1902, gift 1) med Kornelius Nilsson Sikvaland, gift 2) med Ole Ivarson Topdal.
4. Torger Bekkeheien, f. 12-8 1904, gift

- med Inga P. Erga. Bur på Bekkeheien.
5. Mine Bekkeheien, f. 11-2 1907, gift med Arne Jonson Serigstad.
 6. Sven Bekkeheien, f. 21-3 1913, gift med Solveig Olsdr. Bur på Bekkeheien.
 7. Alfred Bekkeheien, f. 31-7 1915, gift med Ingrid Mikalsdr. Kalberg. Bur på Bryne.
 8. Maria Bekkeheien, f. 22-9 1917, gift med Jon Jonson Vig.
 9. Ingeborg Bekkeheien, f. 31-5 1920, g. med Johannes Jonson Steinsland, død 1948.
 10. Kirsten Bekkeheien, gift med Harald Joa.

167. **Helmik Halvardson Høyland**, son til 129, fødd 25-9 1870, død 20-7 1917. Gift 17-3 1905 med Tomine Ludvigsdatter Håland, fødd i Varhaug 5-3 1870, død 2-10 1952 (Håland, Varhaug 69. 4.). Han budde på bnr. 28 og 30 som var nye bruk. Dei hadde 4 barn:

1. Anna, f. 12-11 1905, gift med Lars Larson Njærheim, på Tjøtta.
2. Maria Høyland, f. 28-6 1907, gift med Asbjørn Korneliusson, sjåfør på Bryne.
3. Halvor Høyland, f. 17-11 1909, gift med Rakel P. Høyland.
4. Ludvig Høyland, f. 30-8 1911, d. 10-5 1917.

168. **Adolf Halvorson**, bror til 167. Fødd 20-3 1876, død 13-10 1958, gift 17-4 1901 med Berta Kristiansdatter Salte, f. 20-9 1875, d. 4-8 1963, dotter til Kristian Hansson Salte og kona Ingeborg Hansdr., f. Anda. Adolf budde på Høyland, seinare på Njærheim. Barn:

1. Ingrid.
2. Anton Høyland, f. 1-5 1911, gift 1940 med Ragna Njærheim.
3. Hanna, f. 17-7 1906.
4. Kristian Høyland, f. 11-11 1909, gift 30-6 1934 med Petra Andreasdr. Sør Reime, f. 4-11 1912 (S-Reime 41. 12.). Bur på Njærheim.
5. Anna Høyland, gift 13-11 1948 med Norvald Svanæs.

169. **Rasmus Gabrielson**, son til 125. Fødd 3-9 1878, død 17-11 1963, gift 1) 15-9 1899 med Regina Amalia Olsdr., f. i Klepp 2-5 1878, død 12-5 1915 (sjå nr. 162), gift 2) 19-4 1917 med Gurina Pollestad, fødd 3-11 1881, dotter til 137. Rasmus tok over bnr. 7 etter faren. Han var mange år postfører. Har hatt 7 barn i første gifte og 3 i andre:

1. Teresia, f. 20-12 1899, d. 9-2 1905.
2. Gabriel, f. 25-7 1903, d. 3-3 1904.
3. Teresia, f. 12-5 1905, gift med Olaf Svenson (Hårr 76. 4.).
4. Rakel, f. 14-8 1907, d. 31-5 1909.
5. Gabriel Høyland, f. 24-5 1910, gift 12-10 1929 m. Petra Pedersdr. Vigre (Næsheim 115. 2.). Bur på Høyland.
6. Sigvald Rasin, f. 17-4 1913.
7. Gabrielle, f. 12-4 1915, g. med Sigurd Mellestrand (Njærheim 146. 8.).
8. Amalia, f. 3-4 1918, gift 21-9 1935 med Dagfinn J. Re. Bur på Rosland.
9. Helena, f. 31-7 1919, gift med Ottar M. Salte (Nærbø 192.).
10. Gerhard, f. 21-10 1922, gift 1944 med Maren Vistnes, f. i Randaberg 17-3 1926. Bur på Viste.

170. **Jon Jonson Bekkeheien** var son til Jon Rasmusson Opstad Skretting og Serina Eilefsdr. Åsland (Dampen, Næsheim). Han var fødd 29-6 1877, gift med Anne Bergitte Heiberg, fødd 1-5 1879, død 9-4 1960 (sjå Torland 69.). Jon var bygningsmann, — budde først ei tid på Dampen på Næsheim, seinare på Bekkeheien. 10 barn:

1. Selma, f. på Næsheim 13-5 1899, USA.
2. Johannes Bekkeheien, f. på Næsheim 12-7 1901, gift med Alfrida Voll.
3. Berta, f. på Bekkeheien 19-3 1904, gift med Torvald Gudmestad.
4. Bergine, f. 2-1 1906.
5. Jenny, f. 25-2 1908, gift 19-12 1931 med Arne O. A. Njærheim (215.).
6. Olga, f. 21-3 1913, gift 1944 med Hjalmar Egeland, Stavanger.
7. Elen Olina, f. 18-8 1915.
8. Tullin, f. 14-6 1920, død.
9. Tonny, f. 6-10 1925, d. 17-7 1926.
10. Bjarne, f. 5-12 1917.

171. **Tore Pederson**, son til 126. Fødd 20-8 1871, død 1949, gift 27-2 1906 med Anne Bergitte Jonsdr. Refsnes, fødd 16-2 1879 (Refsnes 6. 2.), d. 13-12 1964. Barn:

1. Peder, f. 23-3 1907, d. 8-6 1908.
2. Peder, f. 3-7 1908, d. 11-1 1909.
3. Klara Pauline, f. 15-11 1909, gift 3-2 1928 med Bjarne Svenson (Hårr 76. 5.), baneformann i Eigarsund.
4. Tora, f. 8-2 1911, gift 15-12 1930 med Edvard Karlsen, Sola. Bur på Høyland (196.).
5. Paul Høyland, f. 24-3 1912, gift 21-11 1936 med Sina Johansdr. Pollestad. Bur på Høyland (195.).
6. Anna, f. 14-7 1914, gift 13-5 1934 med Tullin Matingsdal. Bur på Lista.

172. Gabriel Tønnesson, son til 119. Fødd 6-1 1875, gift 29-3 1901 med Ingeborg Maria Larsdtr. Ånestad, fødd 27-1 1874, død 14-3 1965 (sjå Ånestad 89. 3.). — Gabriel Tønnesson brukte bnr. 15 etter faren. Barn:

1. Berta, f. 31-12 1901, gift med Sem T. Salte (Njærheim 135.).
2. Elisabet, f. 11-12 1905, gift 26-1 1929 med Johan Johannessen Killingland.
3. Toralf, f. 2-7 1909, gift med Guri Tunheim.
4. Lars Høyland, f. 12-12 1911, d. 25-2 1963, gift med Anna Pedersdtr. Erga, f. 31-5 1923. Budde på Høyland.
5. Maria, f. 18-5 1914, gift 23-2 1935 med Ole Ingvald Jonasson Dysjaland (sjå Mæland, Varhaug 45. 2.).
6. Ole Gabriel, f. 20-6 1917, gift med Gerda Storesund, f. i Fjell 2-3 1920. Bur på Høyland.

173. Rasmus Pollestad, son til 137. Fødd 12-4 1874, død 21-7 1962, gift med Elisabet Justine Olsdtr. Salte, fødd 9-1 1875, død 27-11 1925, dotter til Ole Olson Salte og kona Anne Berte Johannesdtr. (sjå Høyland 96. 2.). Barn:

1. Helena, f. 4-10 1902, gift 1944 med Johannes Høyland (sjå 153. 8.).
2. Gabriel, f. 8-6 1904, gift med Elisabet Bekkeheien (174.).
3. Ole, f. 23-3 1907, gift 8-5 1936 med Selma Enoksdtr. Ueland, f. i Ognå 1907.
4. Anna, f. 16-9 1911, gift 1931 med Arne Bekkeheien (174. 3.).
5. Ragnvald, f. 11-10 1916, gift med Marit Gjerde, Bryne.
6. Einar, f. 10-1 1920, gift med Ester Åse.

174. Ole Olson Bekkeheien, son til 133. Fødd 18-11 1877, gift 1) med Berta Elisabet Abrahamsdotter Salte, fødd 1-9 1885, død 13-11 1905, gift 2) 1908 med Anne Berte Pauline Andreasdtr. Salte, fødd 24-2 1883, død 13-7 1968 (sjå Refsnes 5. 7.). Brukte Bekkeheien bnr. 10 og 15. Barn:

1. Elisabet Olsdtr. (av Iste gifte), f. 6-11 1905 (gift med Gabriel R. Pollestad, 173. 1.).
2. Otto Bekkeheien (2dre gifte), f. 26-4 1908, gift med Tora Pollestad.
3. Arne Bekkeheien, f. 18-4 1910, gift med Anna Pollestad (173. 3.).
4. Olaf Bekkeheien, f. 10-2 1912, gift med Dorteia L. Åse.
5. Bjarne Bekkeheien, f. 31-12 1913, gift med Malena M. Vig.
6. Anna Bekkeheien, f. 19-3 1916, gift med Karl Braut.

7. Astrid Bekkeheien, f. 1-6 1918, gift med Arnt Jensson Re.
8. Alf Bekkeheien, f. 4-8 1920 gift med Solveig Tjelta (på Bryne).
9. Berta Bekkeheien, f. 5-12 1922, d. 22-11 1924.

175. **Elling Johannesson Bekkeheien**, son til Johannes Ellingson (nr. 150). Han var fødd 24-4 1879, død 6-11 1961. Gift 1) 21-3 1902 med Elen Taletta Mikkelsdtr. Bekkeheien (122. 5.), fødd 4-12 1871, død 19-4 1941, gift 2) med Sekine? Elling tok over både faren og verfarene sine partar av Bekkeheien. Han flytte seinare til Riskild i Klepp. Barn av første gifte:

1. Johannes, f. 26-8 1902, d. 9-9 s. å.
2. Johan Bekkeheien, f. 20-11 1903, gift med Rakel Teline Tjemsland, f. 1898. Bur på Lista.
3. Trygve Malfred Bekkeheien, f. 17-1 1906. Reist til USA.
4. Elling Bekkeheien, f. 19-6 1907. Bur på Lista.
5. Klara Bekkeheien, f. 27-5 1909, gift 15-8 1931 med Andreas Riskild.
6. Ella Bekkeheien, f. 21-8 1912, gift 15-8 1931 m. Tollef Gustavson Nese, Klepp, f. 31-12 1908.
7. Sigrid Bekkeheien, f. 12-12 1914, gift 3-5 1934 med Sverre Jensson Egeland, Laland, f. 6-7 1915.

176. **Ole Johannesson Høyland Bekkeheien**, son til 136. Fødd 3-3 1884, død 30-3 1962. Gift 20-2 1915 med Ingeborg Gurine Salte, fødd 29-9 1882, dotter til Tolleiv Jonson Salte og kona Rebekka Tønnessdtr. Garborg. Han brukte Bekkeheien, bnr. 1, 3 og 4. Barn:

1. Johannes O. Høyland, f. 22-4 1916, gift 1955 med Ruth Erga.
2. Borghild Høyland, gift 24-2 1918.
3. Tollef Høyland, f. 5-5 1920, gift med AniiS;
4. Rolf Høyland, f. 27-7 1923, d. 1968.

177. **Ole Pederson Håland**, son til Peder Abrahamson Håland i Varhaug (sjå der 75. 8.). Han er fødd 3-12 1886, død 1964, gift 6-4 1906 med Hanna Alida Rasmusdotter Høyland, fødd 15-3 1886 (149. 2.). Han kjøpte bnr. 1 av Tore Pederson: — Barn:

1. Peder Håland, f. 16-7 1907, gift 10-9 1933 med Guri Njølstad, f. på Nærbø 16-11 1910. Han er sjåfør på Nærbø.
2. Rasmus Håland, f. 1909, d. 18-6 1923.
3. Olaf Håland, f. 7-7 1911, gift med Ragnhild Erga. (Brukar namnet Høyland.)

4. Arne Håland, f. 26-2 1914.
5. Malena Håland, f. 20-10 1916, gift 8-8 1936 med Trygve Voll, Pollestad. Bur i Stavanger.
6. Helga Håland, f. 8-10 1918, gift med Sigve Erga.
7. Aksel Håland, f. 29-1 1921, gift med Jørgina Pedersdtr. Moi i Bjerkreim. Bur på Høyland.
8. Randi Håland, f. 29-6 1923, gift 1944 med Ragnvald Moi, død 1962, Bjerkreim. Bur på (Skretting 145.).
9. Rasmus Håland, f. 21-7 1927, gift med Signe Henriksen, f. i Fjotland 9-5 1930. Bur på Høyland.

178. **Jonas Mandiusson**, son til 148. Fødd 20-10 1890, død 17-4 1961, gift 30-9 1939 med Bergine Tu, fødd Heiberg 9-7 1890 (sjå Torland 69. 6.). Han tok over bnr. 2 etter faren. Ikkje barn.

179. **Jørgen Olsen Høyland**, son til 159. Fødd 11-6 1897, gift med Elen Tabitta Abrahamsdotter Efstad, fødd 13-7 1897 (sjå Efstad, Varhaug 59. 6.). Jørgen tok over bnr. 11 og 24 etter faren. Dei har 10 barn:

1. Ole Høyland, f. 4-10 1917, gift med Maria Ivarsdtr. Bø.
2. Ingeborg Høyland, f. 1-4 1919, gift med Jostein Salte.
3. Magnhild, f. 7-11 1921, gift 24-12 1944 med Lars Skjæveland.
4. Astrid, f. 28-1 1924, gift med Asbjørn Hansson Åse.
5. Tilla, f. 28-10 1925, gift 1947 med Kåre T. Gudmestad.
6. Jon, f. 20-4 1927, gift med Gunlaug R. Reime.
7. Asbjørn, f. 20-4 1927, gift 7-7 1951 med Guri M. Lode.
8. Einar, f. 25-4 1932, gift med Olga Ingebretsdtr. Matingsdal. Bur på Bryne.
9. Aasa, fødd 13-1 1934, gift med Eilef Roaldstveit.
10. Odd Høyland, f. 10-1 1936, gift i Telemark 1958 med Else Marie Årlia, Notodden.

180. **Johan Andreas Halvardson**, fødd i Finnøy 1880, død 25-2 1919. Gift 1901 med Elen Bernhardine Berntsdotter, f. 1877. Han var blekkslagar og budde på Høyland frå 1910. Berre dei 3 siste barna er fødte på Høyland:

1. Håkon Bernhard, fødd i Varhaug 4-9 1907, død 1943, gift 3-5 1930 med Justine Marie Anestad (Anestad, Varhaug 103. 6.).
2. Laura Rasine, f. 26-4 1910, gift 16-1 1932 med Berge Korneliusson Salte, f.

1908, gift 2) med Olav Svihus, Tjelta, f. 1899.

3. Arne Marinius, fødd 19-10 1912, død 6-8 1913.
4. Arne, f. 13-6 1915, gift 5-6 1937 med Anny Sørensen, f. i Høyland 1-5 1921.

181. Karl Johan Pollestad, bror til 173, fødd 14-6 1893. Gift 1914 med Anna Nilsdotter Norheim, fødd i Hardanger 2-8 1894, dotter til Nils og Marta Norheim. Karl Johan kjøpte Bekkeheien bnr. 5 og Høyland bnr. 33, — med samnamn Fredheim i 1915. Truleg var det siste ein part av farsgarden, men Bekkeheien nr. 5 høyrde til Elling Johannesson i 1905. Barn:

1. Margot Pollestad, f. 30-1 1917, gift 1-4 1939 med Peder Ellingson Njærheim (Njærheim 160.).
2. Helena Pollestad, f. 20-12 1915, gift 7-11 1937 med Torger T. Nærland, Torland (Torland 97.).
3. Gabriel K. Pollestad, f. 5-4 1919, d. 31-10 1936.
4. Nils Pollestad, f. 4-9 1921, gift 1950 med Anna Tjelta, Klepp.
5. Kåre Pollestad, f. 12-5 1924, gift 1945 med Ruth Haga, Stavanger.
6. Arthur Pollestad, f. 15-8 1926 (218.).
7. Gunleif Pollestad, f. 25-3 1931, gift 19-5 1954 med Ragnhild Kristine Sirevåg, Nærbø, f. 29-1 1932.
8. Svein Pollestad, f. 22-1 1935, gift 12-10 1957 med Liv Tjøtta, Bryne, f. 9-4 1939.

182. Torkel Rugland (sjå Rugland, Varh. 39. 5.). Fødd 30-9 1895. Gift i Montana med Malena Høyland, fødd i Helleland. Torkel Rugland budde ei tid på bnr. ??, men reiste seinare til Høyland i Helleland og tok over kona sin farsgard.

183. Enevald O. Høyland, son til 153, f. 11-11 1889. Tok over bnr. 6 etter faren i 1925. Han er ugift.

184. Peder Bertin Høyland, bror til 183, fødd 8-12 1895. Gift 28-8 1915 med Anna Kirstina Sør-Reime, fødd 1-12 1893 (Sør-Reime 42. 2.). Peder tok over ein part av farsgarden, Grønhaug bnr. 45, i 1925. — Barn:

1. Olav Høyland, fødd 20-12 1915, gift 1947 med Anna Skibstad, f. i Varhaug 12-3 1920.
2. Berta Høyland, f. 20-4 1917, gift 1938 med Helmik E. Haugland i Time.
3. Rakel Høyland, f. 20-4 1917, gift med Halvor H. Høyland (188.).
4. Ingrid Høyland, f. 23-7 1918, gift 1937 med Edvin Enokson Ueland (211.).

5. Aslaug Høyland, f. 19-5 1921, gift 1944 med Alfred Skibstad, Vigrestad, f. 31-8 1923.
6. Bjarne Høyland, f. 3-7 1923, gift 1955 med Tordis Indrebø, f. 8-2 1935 (Bø 164. 10.).
7. Knut Høyland, f. 31-10 1924.
8. Erling Høyland, f. 30-5 1926, gift 6-4 1954 med Selma Re (Bjørhaug 29. 8.).
9. Per Høyland, f. 8-11 1930.
10. Rolf Høyland, f. 27-2 1932.

185. Olaf O. Høyland, bror til 184, fødd 10-9 1891. Gift 9-5 1926 med Amanda Leth, fødd i Kvam i Hardanger 3-2 1898, dotter til Johan Alfred Johannesson og Anna Leth. Olaf Høyland tok over ein part av farsgården, bnr. 44, Grønhaug, i 1925 3 b[^]rn*

1. Oleiv Høyland, f. 23-4 1929, gift 21-12 1963 med Kirsti Torland, f. 18-6 1935 (Torland 87. 7.).
2. Åsa Høyland, f. 3-1 1931.
3. Bjarne Høyland, f. 26-3 1933 (kanskje han som er gift med Ingfrid Hauge, sjå 184. 6.).

186. Johannes O. Høyland, bror til 185, fødd 17-1 1903, død 29-9 1959. Gift 1944 med Helena Pollestad, Høyland, fødd 4-10 1902 (173. 1.). Johannes Høyland var bygningsmann og hadde hus og grunn på Høyland. Dei hadde ein son:

1. Odd Reimund Høyland, f. 8-6 1946.

187. Tobias Mellemstrand (sjå Njærheim 146. 2.), fødd 30-1 1903, gift 1-8 1936 med Ragna Håland, fødd 17-3 1906 (sjå Njærheim 140. 1.). Tobias Mellemstrand tok over bnr. 2, 12 og 18 ved kjøp i 1936 av Jonas Mandiusson Høyland. Barn:

1. Olaf Mellemstrand, gift med Aslaug Johansen, Sola.
2. Bernt Mellemstrand, f. 1940, d. 25-3 1964, gift med Astrid Salte, f. 18-5 1942 (200. 3.).
3. Jostein Mellemstrand.

188. Halvor H. Høyland, son til 167, fødd 17-11 1909. Gift 1-7 1944 med Rakel Høyland, fødd 20-4 1917 (184. 3.). Halvor tok over bnr. 3 og 5 etter faren i 1937. Barn:

1. Tordis Høyland, f. 2-3 1945, gift 1966 med Torstein Agnar Kværme.
2. Astrid Høyland, f. 12-4 1947.
3. Ingfrid Høyland, f. 11-6 1948.
4. Harald Høyland, f. 9-11 1950.

189. Gabriel Pollestad, son til 173, fødd 8-6 1904. — Gift 8-8 1931 med Elisabet

Bekkeheien, fødd 6-11 1905 (174. 1.). — Gabriel Pollestad tok over bnr. 4 og 8 etter faren i 1940. Barn:

1. Eli Pollestad, f. 20-7 1935, gift 1955 med Jostein Gudmestad (Njærheim 147. 6.).
2. Rasmus Pollestad, f. 12-7 1943.

190. Gabriel R. Høyland, son til 169, fødd 24-5 1910, død 10-1 1965. Gift 12-10 1929 med Petra Vigre, fødd 23-5 1910 (Næsheim 115. 3.). Gabriel Høyland tok over bnr. 7 etter faren i 1946. Barn:

1. Åsa Høyland, f. 6-11 1929, gift med Klårø
2. Rolf Høyland, f. 1-4 1931, gift med Else Lode (Lode 110. 1.).

191. Sven I. Valdeland, son til 158., fødd 20-7 1904. Gift 16-4 1932 med Gabrielle Ueland, f. i Varhaug 2-7 1905 (Ueland 78. 8.). Sven Valdeland tok over bnr. 9 og 36 etter faren i 1936. Barn:

1. Ingvar Valdeland, f. 17-7 1932, gift 1956 med Anna Johanna Våland, f. i Varhaug.
2. Gerd Sigfrid Valdeland, f. 6-4 1947, gift 1964 med Rolf Steinar Sikveland.

192. Ole I. Valdeland, bror til Sven, fødd 12-8 1891. Gift 16-4 1910 med Karen Høyland, fødd 21-2 1889 (157. 2.). Ole Isakson tok over ein part av farsgården, Nygård, bnr. 32, i 1912. Han er snikker. Barn:

1. Anne Valdeland, fødd 22-5 1911 (3-6 1912?), gift 27-6 1936 med Einar E. Stokka, f. i Høyland 8-3 1914.
2. Ingvald Valdeland, f. 14-11 1916.
3. Kari Valdeland, f. 22-12 1919, gift med Arne Hadland, Ognå.
4. Tobias Valdeland, f. 17-9 1923 (210.).
5. Signe Valdeland, f. 21-1 1925, gift med Vilhelm Risa.
6. Eldrid Valdeland, f. 13-7 1927.
7. Målfrid Valdeland, f. 16-2 1931.
8. Ruth Valdeland, f. 29-5 1937, gift med Lars Undheim, Time.

193. Johan Valdeland, bror til Sven og Ole, fødd 16-3 1909. Gift 1936 med Johanna Bore, fødd i Klepp 29-9 1913, dotter til Skive og Justine Bore. — Johan Valdeland tok over ein part av (farsgården?) Holen, bnr. 52, i 1935. Barn:

1. Ingrid Valdeland, f. 15-12 1937.
2. Sigmund Jostein Valdeland, fødd 17-6 1945, gift 1966 med Olaug Erga, Klepp.
3. Judith Janette Valdeland, f. 1948.

194. Arne Bekkeheien, son til 174, fødd 18-4 1910. Gift 8-8 1931 med Anna Ras-

musdotter Pollestad (173. 4.), fødd 16-9 1911. Arne Bekkeheien kjøpte bnr. 10, Jøsopmyrheia, og bnr. 22, Svimbel, av Tobias Tovson Høyland i 1933. Barn:

1. Ommund Bekkeheien, f. 26-4 1940, gift 1966 med Kirsten Sofie Stryken, Eigersund.
2. Else Berit Bekkeheien, f. 17-11 1945, gift 6-4 1963 med Kåre Njærheim.

195. **Paul Høyland**, son til 171., fødd 24-3 1912. Gift 21-11 1936 med Sina Johanna Pollestad, fødd 20-11 1913 i Klepp, dotter til Johan Tønnesson Pollestad i Klepp og kona Anna Jonsdtr., f. Rosland. — Paul Høyland tok over bnr. 13 etter faren i 1938. Barn:

1. Tore Høyland, f. 12-12 1937, gift 9-4 1960 med Margot Skretting, fødd i Varhaug.
2. Aud Høyland, f. 3-8 1946, gift 1966 med Per Friestad, Klepp.
3. Jostein Høyland, f. 26-4 1949.
4. Halldis Høyland, f. 26-4 1949.

196. **Edvard Sola**, son til Karl og Justine Sola, fødd i Sola 1-1 1901. Gift 6-12 1930 med Tora Høyland, fødd 8-2 1912 (171. 4.). Edvard Sola kjøpte bnr. 26, Sandviken og bnr. 37 i 1942. Barn:

1. Kåre Sola, f. 26-10 1931.

197. **Ole Gabriel Høyland**, son til 172., f. 20-6 1917. Gift med Gerda Storesund, f. i Fjeld 2-3 1920, dotter til Vilhelm og Marta Storesund. Han tok over bnr. 15 etter faren i 1947. Barn:

1. Marit Høyland, f. 4-8 1948.
2. Villy Høyland, f. 7-5 1954.

198. **Nils S. Høyland**, son til 163., f. 24-8 1901. Gift 18-8 1951 med Pauline Haga, Kyllvik, f. i Høyland 15-8 1910, dotter til Tarald Johan Knutson Haga på Kyllvik og kona Tomine Pedersdtr., f. Madland i Gjesdal. Nils Høyland tok over bnr. 16 og 25, Storerullen, etter faren i 1939.

199. **Ole Karlson Mathingsdal**, son til Karl Martin Ingebretson Mathingsdal i Oagna og kona Olufine Olsdtr., f. Bø i Oagna. Han er fødd 17-10 1911. Gift 7-5 1937 med Gudrun Salte, Høyland, fødd 22-12 1911 (161 5.). Ole Mathingsdal tok over bnr. 19 etter verfare, Olaus Salte, i 1937. Barn:

1. Oddbjørg Mathingsdal, f. 28-11 1937, gift med Reidar Storesund.
2. Olav Mathingsdal, f. 6-3 1941.

200. **Torger M. Salte**, son til Martin Salte og kona Maria, fødd i Time 24-1 1911. Gift 17-8 1935 med Ingeborg Mellemstrand, Høyland, fødd 11-11 1912 (165. 7.). Torger Salte tok over bnr. 20 i 1947? Barn:

1. Åge Salte, f. 22-12 1935.
2. Magnor Salte, f. 21-4 1937, gift med Gunnvor Olaug Haugland, Erfjord.
3. Astrid Salte, f. 18-5 1942, gift 1) med Bernt Mellemstrand, gift 2) 1965 med Arne Henry Ludvigsen, Bryne.

201. **Sverre Mellemstrand**, son til 165. f. 8-8 1916. Gift 1942 med Maria Salte, f. i Klepp 7-1 1917, dotter til Rasmus Nilsson og Jorina Salte. Sverre Mellemstrand kjøpte bnr. 21 i 1944. Barn:

1. Judith Mellemstrand, f. 14-7 1942, gift 1961 med Tore Mathingsdal.
2. Asbjørn Mellemstrand, f. 6-4 1946.
3. Åsta Mellemstrand, f. 6-4 1946, gift 1967 med Sigfred Vilhelm Bertelsen, Klepp.
4. Ragnar Mellemstrand, f. 10-4 1948.
5. Svein Mellemstrand, f. 16-12 1953.

202. **Eivind Larsson Høyland**, son til 135, fødd 24-5 1892, død 1959, ugift. Eivind tok over bnr. 23, Sandviksholen, etter faren i 1914.

203. **Ole Nilsson Bleskestad**, son til Nils og Marta Bleskestad som budde på Høyland, bnr. 35 Oppheim, frå 1923. Han er fødd på Høyland 31-10 1931. Tok over bnr. 35 etter faren i 1951. Gift 29-3 1958 med Tordis Øvestad.

204. **Gabriel Mathingsdal**, son til Gabriel Sivertson Mathingsdal i Oagna og kona Martine Olsdtr., f. Gravdal. Han er fødd 6-12 1903. Gift 1942 med Maren Salte, Høyland, fødd 13-8 1904 (161. 1.). Gabriel Mathingsdal tok over ein part av Høyland, Djupedal, bnr. 51, i 1954.

205. **Andreas Mellemstrand**, son til 165., fødd 19-2 1911. Gift 1941 med Jofrid Sæland, fødd i Time 2-7 1916, dotter til Jonas og Gurina Sæland. Andreas Mellemstrand kjøpte bnr. 53 og 54 i 1938.

206. **Ole Jørgenson Høyland**, son til 179., fødd 4-10 1917. Gift 12-10 1940 med Maria Bø, fødd 4-6 1920 (Bø 165. 3.). Ole Jørgenson tok over ein part av farsgården, Litlarodlå bnr. 56, i 1939. Barn:

1. Elbjørg Høyland, f. 2-2 1944, gift med Hans Gunnleiv A. Årnes, Stavanger.
2. Marit Høyland, f. 19-11 1947.

207. Tom Salte (Njærheim 135. 7.), fødd 30-12 1914. Gift 7-10 1944 med Solveig Bekkeheien, fødd 21-7 1921 (217. 1.). — Tom Salte er sjåfør. I 1947 kjøpte han ein liten part på Høyland, Granly bnr. 57 og 65. Barn:

1. Torgeir Salte, f. 4-4 1945, gift 1966 med Tordis Byberg.
2. Tarald Salte, f. 7-10 1950.

208. Lars G. Høyland, son til 172., fødd 13-12 1911. Gift 1944 med Anna Erga, fødd i Klepp 31-3 1923, dotter til Peder og Ingeborg Erga. Lars Gabrielson tok over ein part, bnr. 58 i 1944. Han døde 25-2 1963. Barn:

1. Møyfrid Høyland, f. 19-1 1945, gift 1963 med Guttorm Slettebø, Bryne.
2. Per Høyland, f. 15-11 1947.

209. Hans Kvitvær, fødd i Træna 15-1 1926, son til Johan og Borghild Kvitvær. Gift 2-12 1950 med Jenny Bekkeheien, fødd 29-7 1926 (217. 3.). Hans Kvitvær kjøpte ein part på Høyland, bnr. 63, i 1949. Barn:

1. Brett Helene Kvitvær, f. 25-5 1951.
2. Torhild Johanne Kvitvær, fødd 24-11 1952.

210. Tobias O. Høyland, son til 192, fødd 17-9 1923. Gift med Maria Ueland, fødd i Varhaug 19-8 1923, dotter til Sem og Maria Ueland i Varhaug. Han har hus og grunn på Høyland, Fredly bnr. 64, kjøpt i 1951. Han er fiskar. Barn:

1. Kari Høyland, f. 18-1 1944.
2. Oddvar Høyland, f. 23-5 1946.
3. Sigbjørn Høyland, f. 3-4 1948.
4. Terje Høyland, f. 24-8 1950.

211. Edvin Ueland, son til Enok Olson Ueland i Ogna og kona Sigrid Svalesdtr. Han er fødd i Ogna 5-8 1911. Gift 1937 med Ingrid Høyland, fødd 23-7 1918 (184. 4.). Edvin Ueland har hus og grunn på Høyland, Skogly bnr. 66, kjøpt 1951. — Barn:

1. Einar Ueland, f. 11-5 1938.
2. Ruth Ueland, f. 9-8 1941.
3. Solveig Ueland, f. 4-10 1944.
4. Per Ueland, f. 5-6 1949.
5. Irene Ueland, f. 21-3 1951.

G.nr. 4. Bekkeheien

Bekkeheien gnr. 4. var opphaveleg husmannsplasser under Høyland. — Men då gardane vart oppførde etter gardsnr. kring 1885, vart Bekkeheien førd som sjølstendig gard med gnr. 4.

I 1906 er desse førde på Bekkeheien.

Johannes Johannesson (136) bnr. 1, 3, 4.

Elling Johannesson (175) bnr. 5, 6, 7, 14.

Andreas Torgerson (166) bnr. 8, 9.

Ole Olson (174) bnr. 10, 15.

Jon Jonson (170) bnr. ?.

Ole Johannesson Høyland (176) bnr. 1, 3, 4.

Karl Johan Pollestad (181) bnr. 5.

Andre som har butt eller bur på Bekkeheien:

212. Olav O. Bekkeheien, son til 174, fødd 10-2 1912. Gift 1939 med med Dorthea Åse, fødd i Klepp 12-9 1914, dotter til Lars og Gustina Åse. Han tok over bnr. 5, 6, 7, 14 på Bekkeheien og bnr. 31 av Høyland i 1939. Barn:

1. Anfrid Bjørg Bekkeheien, f. 1940, 1961 gift med Garmann Salte, Klepp.
2. Gerd Marie Bekkeheien, f. 9-2 1945.

3. Liv Bekkeheien, f. 6-5 1948.

4. Olaug Bekkeheien, f. 6-8 1952.

5. Dagfrid Bekkeheien, f. 22-2 1954.

213. Sven A. Bekkeheien, son til 166, fødd 25-4 1913. Gift 1942 med Solveig Følgesvold, fødd i Erfjord 28-6 1918, dotter til Ola og Karen Følgesvoll. Sven Bekkeheien tok over ein part i Bekkeheien, bnr. 8, etter faren, i 1943. Barn:

1. Arvid Bekkeheien, f. 20-11 1943, gift med Halbjørg Egeland, Time.
2. Karin Bekkeheien, f. 16-9 1947.
3. Margaret Bekkeheien, f. 18-4 1952.

214. Otto O. Bekkeheien, son til 174, bror til 212, fødd 26-4 1908. Gift 1942 med Tora Pollestad, fødd i Klepp 24-1 1909, dotter til Johan og Teresia Pollestad. — Otto Bekkeheien tok over 10 og 15 etter faren i 1948. Barn:

1. Ole Bekkeheien, f. 11-10 1943.
2. Berta Pauline Bekkeheien, f. 12-4 1947.

215. Arne O. Njærheim, (Njærheim 136 d.), fødd 2-4 (2-11?) 1905. Gift 19-12 1931 med Jenny Bekkeheien, (170 e.).

Arne Njærheim tok over Bekkeheien bnr. 18 og 22 i 1949, (truleg etter Jon Jonson).

Barn:

1. Odd Njærheim, f. 11-3 1932, gift 1960 med Olaug Johanna Bergeland.
2. Jan Njærheim, f. 6-10 1935.
3. Haldis Njærheim, f. 14-7 1942.

216. **Bertinius Salte**, son til Jon Abrahamson Store Salte og kona Elen Olsdtr., f. Spogarhodl av Bø (Bø 102. 2.). Fødd 15-3 1885. Gift 1908 med Berta Arntsdtr. Salte, fødd 13-1 1884. — Bertinius Salte kjøpte bnr. 19 og 20 i 1909. Barn:

1. Justina Salte, f. 29-5 1909.

217. **Teodor A. Bekkeheien**, son til 166., fødd 9-7 1899. død 19-6 1964. Gift 1921 med Hansine Hjelmestad, fødd i Kvinesdal 8-10 1895, dotter til Kristofer og Severine Hjelmestad. — Teodor tok over bnr. 21 Tangen, i 1921 av faren. Barn:

1. Solveig Bekkeheien, f. 21-7 1921, gift 1944 med Tom Salte (Høyland 207.).

2. Alf Bekkeheien, f. 24-9 1924, gift 19-8 1950 med Solveig Liv Tjelta.

3. Jenny Bekkeheien, f. 24-6 1926, gift med Hans Kvitvær (209.).
4. Kåre Bekkeheien, f. 29-6 1928, gift 1945 med Ruth Evy Hagen.

218. **Arthur Pollestad**, son til 181., fødd 15-8 1926. Gift med Kari Laland, fødd i Time 24-6 1929, dotter til John J. G. Laland på Hognestad og kona Ella Thomasdtr., f. Høyland i Time. Arthur Pollestad tok over bnr. 25 i 1949 av faren. Barn:

1. Kjell Arild Pollestad, f. 27-5 1949.
2. Jone Pollestad, f. 1-1 1952.

219. **Torger Bekkeheien**, bror til 217, fødd 12-8 1904. Gift 24-6 1944 med Inga Erga, fødd 1-3 1915, dotter til Peder og Ingeborg Erga. Torger Bekkeheien tok over ein part av farsgården, Bekkeheien bnr. 26, i 1942. Barn:

1. Arnfinn Bekkeheien, f. 12-1 1945, gift med Else Helene Joakimsen.
2. Ingeborg Bekkeheien, f. 27-2 1947.

G.nr. 6. Refsnes

Denne garden heitte før Saltveed Øde og var underbruk under Nærland, og landskulda låg då på Nærland. Refsnes hadde først smørskuld på 1 bismerpund 12 mark smør. Frå 1882 er landskulda 1 dalar 1 ort. Namnet Refsnes skal koma av eit nes i Høylandsvatnet (som nå er turrlagt). — Namnet Saltveed kjem av Tveit som skal tyda slåtteland, og dette då i samband med Sal(te) kan då vera Salte-slåtta. Truleg har det opphaveleg lege under Salte-gardane som det geografisk ligg nærast. Mellom Nærland og Refsnes renn Salte-åno. I nord skifter det med Skeie i Orre og i vest ligg havet. Refsnes er ein typisk sandgard, lendet er flatt med sandkuler mot havstranda. Det har vore, og er ennå, utsett for sandflog.

NAMNEREGISTER

1. Jakob Olson
2. Rasmus Jakobson
3. Ola Pederson
4. Antonius Larsson
5. Jon Rasmusson Kalberg
6. Rasmus Jonson Refsnes
7. Jon Rasmusson
8. Gabriel Rasmusson
9. Rasmus Jonson
10. Jon Jonson
11. Hans Martinius Haga
12. Ragnvald Refsnes
13. Tobias Refsnes
14. Hans E. Reime

1. Jakob Olson er nemnd som husmann under Nærland i 1738, då han var stemnd av Gammer Raad Ebbel og Lauritz Smith i Stavanger for skuldig "Kircherettighed" for åra 1734 til 1737, i alt 1 ort 8 skilling "derfor at liide dom med omkostnings erstattelse". (Sjå Tingb. V side 198.)

2. Rasmus Jakobson Refsnes er nemnd under Nærland i 1758, 60 år gamal. Han

var kanskje son til nr. 1. Truleg var det han som budde på Øvre Åse i Klepp i 1718. I 1701 er Ytre Salten plass under Øvre Åse, og der var 3 husmenn: Johannes, Rasmus og Jakob. Ingen husmann er nemnd under Nærland i 1701, det er derfor rimeleg at ein av husmennene på Ytre Salte har vorte flytt over til Saltveed Øde under Nærland ein gong etter 1701. Det har då vore Jakob Olson med sonen Rasmus. — Rasmus Jakobson var gift med Joron Tørresdotter, 60 år i 1758. Dei hadde ei dotter:

Siri Rasmusdtr., fødd kring 1738.

3. Ola Pederson byksla Saltveen under Nærland i 1767 av Ola Monsson, Tjøl Hansson og Jakob Hansson Nærland. — Denne Ola Pederson budde på Ytre Salte i 1758 og var då gift med Anna Toresdtr. Dei var då begge 40 år. Anna var syster til Ola Toreson Erga i Klepp. Ho døde i 1776 og der var skifte etter henne 20-6 det året. Då høyrde godset til Lauritz Smith i Stavanger. — Deretter gifta Ola seg med Marit Anensdotter Varhaug. — Ola Pederson budde seinare på Høyland og er omskriven der under nr. 36.

4. Antonius Larsson budde på Refsnes i 1801. Han byksla plassen Saltvedt Øde av Tjøl, Erik, Eivind og Paul Nærland i 1782, altså før Ola Pederson var komen til Høyland eller straks etter. Antonius var son til Lars Taraldson som var gift i Stavanger i 1737 med Karen Antoniusdotter frå Nedre Åse i Klepp. Lars Taraldson skulle vore komen frå Øvre Øksnevad. Antonius var fødd i Stavanger i 1739, død 14-12 1804. Gift med Johanna Nilsdotter Salte, fødd kring 1748, død 7-4 1818, dotter til Nils Nilsson Store Salte og kona Karen Ellingsdtr. I 1758 var Antonius dreng hjå morbroren Ola Antoniusson på Nedre Åse. I 1778 byksla Antonius Larsson 16 spand i Høyland

(sjå der 41.). Seinare brukte verfare, Nils Nilsson denne parten på Høyland (nr. 43). Antonius Larsson og Johanna Nilsson hadde 3 barn:

1. Karen Antoniusdtr., f. 1779, d. 1863, gift 14-3 1804 med Johannes Olson Salte. Dei var besteforeldre til Johannes Salte på Gausland.
 2. Nils Antoniusson, f. 1780, gift 8-3 1818 med Anna Kirstina Rasmusdtr. Stangeland. Budde på Stangeland i Klepp.
 3. Karen Antoniusdtr. d. y., f. 1786, gift med Jon Rasmusson (nr. 5).
5. Jon Rasmusson Kalberg, son til Rasmus Jonson Nord-Kalberg i Time og kona Berta Knutsdtr. Han var fødd i 1778, død 22-11 1859. Gift 20-3 1805 med Karen Antoniusdotter Refsnes (4. 3.), fødd 1786. Jon Rasmusson byksla plassen Saltved Øde av dei Nærland i 1805. Dei hadde 12 barn:
1. Anna Johanna Jonsdtr., f. 21-1 1806, gift 7-6 1838 med Peder Nils-Andreasson Mit Salte. Ho hadde 2 barn u. e.:
 1. Johannes Hansson, f. 14-12 1831, gift i Stavanger 29-3 1855 med Ingeborg Olsdtr. Nærreberg, 23 år.
 2. Jonas Rasmusson, f. 20-7 1835, gift i Hetland 24-4 1861 med Jørgine Olsdtr. frå Kvinesdal, 23 år.
 2. Rasmus Jonson Refsnes, f. 26-4 1808 (6.).
 3. Abraham Jonson, f. 16-3 1811, d. 29-4 same året.
 4. Jon Jonson Håland, fødd 16-3 1811 (Store Håland 21.).
 5. Berta Jonsdtr., f. 2-3 1814, gift med Abraham Rasmusson Salte.
 6. Marta Jonsdtr., f. 14-11 1816, d. ugift.
 7. Karen Elisabet Jonsdtr., f. 20-8 1819, gift 23-3 1852 med Tobias Rasmusson Åse, handelsmann i Stavanger.
 8. Kristian Jonson, f. 6-9 1821, g. m. Akseliane Kristine Johnsen, 42 år, truleg enkje og dtr. til Govert Pedersen?
 9. Abraham Jonson, f. 27-11 1823, d. 1856, gift med Anne Sofie Jonsdtr. Foss Eikeland i Høyland. Reist til Amerika
 10. Ane Jonsdtr., f. 19-1 1826, gift 3-12 1846 med Abraham Toreson Nubben, f. i Time 1817. Budde på Nedre Håland i Time.
 11. Elling Jonson, f. 12-7 1828, gift 2-3 1866 med enkja etter broren Kristian, Akseliane Kristine. Han var sjømann og kom bort på sjøen.
 12. Gabriel Jonson, f. 9-11 1830. Han var styrmann og budde i Holland, der han var gift.

6. Rasmus Jonson Refsnes, son til 5., var fødd 26-4 1808, død 24-11 1876. Gift 25-3 1841 med Ane Berte Gabrielsdotter Nærland, fødd 8-6 1821, død 4-1 1903 (Nærland 31. 3.). Rasmus byksla Refsnes etter faren. Dei fekk 8 barn:

1. Jon Rasmusson Refsnes, f. 30-9 1844 (nr. 7).
 2. Karen Kirstine Rasmusdtr., f. 24-7 1842, d. 7-12 1843.
 3. Gabriel Rasmusson Refsnes, f. 14-8 1847 (nr. 8).
 4. Kristian Rasmusson, f. 7-7 1849, d. 22-6 1851.
 5. Kristian Rasmusson Vigre, fødd 12-7 1852 (Vigre 56.).
 6. Rasmus Rasmusson Rosland, f. 19-7 1855, gift 29-3 1883 med Ane Elisabet Pedersdtr. Rosland i Klepp.
 7. Andreas Kornelius Rasmusson Salte, f. 22-7 1858, gift med Anna Karina Tobiasdtr. Salte.
 8. Anna Kirstina Rasmusdtr., fødd 1-10 1861, død 18-11 same året.
7. Jon Rasmusson Refsnes (6. 1.), fødd 30-9 1844, død 23-10 1905. Gift 16-3 1876 med Taletta Gurina Torgersdotter Lomeland, fødd i Gjesdal 1-3 1849, død 11-7 1887, dotter til Torger Svenson Lomeland og kona Guri Olsdtr. — Jon kjøpte halve Refsnes av dei Nærland i 1882 med halv følge til mora. Dei hadde 5 barn:
1. Rasmus Jonson Refsnes, f. 25-8 1876 (nr. 9).
 2. Ane Berte Jonsdtr., f. 16-2 1878, gift 27-2 1906 med Tore Pederson Høyland (Høyland 171.).
 3. Taletta Gurina Jonsdtr., f. 8-10 1881, gift 24-10 1902 med Gabriel Olson Pollestad i Klepp.
 4. Jon Jonson Refsnes, f. 18-7 1884 (nr. 10).
 5. Karen Kirstine Jonsdtr., f. 22-2 1887, død same året.
8. Gabriel Rasmusson (6. 3.), fødd 14-8 1847, død 26-9 1931. Gift 5-4 1883 med Hanna Bergine Henriksdotter Hognestad, fødd 18-4 1859, død 5-9 1928, dotter til Henrik Andreas Henrikson Hognestad i Time og kona Berta Rasmusdtr., fødd Augland. Gabriel kjøpte den andre halve parten i Refsnes av dei Nærland i 1888 for 1280 kroner pluss halv følge til mora. Der var halde utskifting i 1884. Gabriel og Hanne Bergine hadde 7 barn:
1. Anna Kirstina Refsnes, f. 9-3 1884, gift med Hans Martinius Haga (sjå nr. 11).
 2. Bertine Refsnes, f. 11-9 1885, gift med

- Aarebrott, f. i Florø 1888, kaiarbeidar i Stavanger.
3. Regine Refsnes, f. 18-2 1887. Ho tok over bnr. 3 av faren ,og står som eigar av same i 1906. Dette bnr. er ikkje nemnt i "Norges Bebyggelse". Regine Refsnes er ugift.
 4. Hanne, f. 31-5 1889.
 5. Helgine, f. 31-5 1894, gift med Fritjof Sæterløv i Stavanger.
 6. Gabriel, f. 8-2 1898, d. same dagen.
 7. Kirsten, f. 8-2 1898, d. same dagen.
9. Rasmus Jonson Refsnes (6. 1.), fødd 25-8 1876, død 31-3 1933, drukna saman med ein son under hummarfiske. Gift 9-8 1906 med Rakel Gurina Tobiasdtr. Kvia, f. 18-5 1884, d. 22-4 1966 (Bø 106 7.). Rasmus tok over bnr. 1 etter faren i 1906 saman med broren Jon. Dei fekk 12 barn:
 1. Torger, f. 18-5 1905.
 2. Teresia, f. 27-2 1907, gift med Rasmus R. Erga, død.
 3. Jon, f. 10-10 1908, drukna saman med faren 31-3 1933.
 4. Ragnvald Refsnes, f. 3-9 1910, gift 1949 med Marta Haraland, fødd i Gjesdal 26-6 1918. Bur på bnr. 1.
 5. Tobias Refsnes, f. 14-10 1912. Han brukar Sandholen, bnr. 5.
 6. Reiar Refsnes, f. 14-12 1914, gift med Maggi.
 7. Gudrun, f. 1-6 1917, gift 11-5 1935 med Ola Pederson Haugseng, f. i Oгна 22-8 1911. Bur på Lode.
 8. Georg, f. 24-6 1920, d. 15-1 1921.
 9. Gerda, f. 25-5 1921, gift med Karsten R. Erga.
 10. Kaspara, f. 12-9 1924.
 11. Nils, f. 4-4 1926, d. 13-4 s. å.
 12. Ruth, f. 23-10 1927. Død.
 10. Jon Jonson Refsnes, bror til 9., fødd 18-7 1884, gift 1) 22-3 1906 med Rebekka Torland, fødd 25-12 1884, død 15-8 1908 (Torland 80. 1.). Gift 2) 3-12 1910 med Kirsten Nilsdotter Re, fødd 16-9 1889, dotter til Nils Salomonson Re i Time og kona Malena Abrahamsdtr. Jon tok over bnr. 1 saman med broren Rasmus i 1906, seinare skifte dei garden mellom seg. — Jon har bnr. 4. Han fekk 2 barn i første gifte og 12 i andre:
 1. Tora Refsnes, f. 16-1 1907, gift 29-10 1931 med Olaf Paulsen.
 2. Kari Refsnes, f. 28-12 1907, d. 3-9 1908.
 3. Jon Refsnes, f. 20-7 1911, gift med Marta Rosland, f. 9-7 1914. Bur på Åse i Klepp (Bekken).
 4. Norvald Refsnes, f. 29-12 1912, gift 4-7 1942 med Målfrid Ødemotland, f. 16-9 1910 (Ødemotland 21. 2.). — Han er disponent i Rogaland Eggslag.
 5. Ragnhild Refsnes, f. 10-9 1914, d. 21-7 1915.
 6. Martin Refsnes, f. 31-1 1918, gift med Tora Langeland, f. i Skjold 6-3 1919. Bur på Refsnes.
 7. Trygve Refsnes, f. 13-11 1919, gift m. Oli Gudmestad (Næsheim 117. 1.).
 8. Ingrid Refsnes, f. 9-11 1921, gift med Herlof Møller, Klepp.
 9. Klara Refsnes, f. 16-4 1923, gift 1944 med Frits Haugstad (Haugstad, Varhaug 63. 1.).
 10. Johanna Refsnes, f. 12-2 1925, gift med Ommund Årsland (Årsland 46. 5. Varhaug). Bur på Dysjaland.
 11. Kåre Refsnes, f. 31-7 1926, gift med Olga Bø (Bø 160. 8.).
 12. Åsa Refsnes, f. 16-6 1928, gift med Tor Høyland (Nærbø 54. 4.).
 13. Leif Refsnes, f. 18-8 1930, gift med Marit Ueland, f. i Nærbø.
 14. Rasin Refsnes, f. 13-4 1916, gift 1937 med Sylga Ørsland, f. 16-9 1917. Bur på Orstad i Klepp.
 11. Hans Martinius Haga, — var son til Bertel Andreas Haga i Håland og kona Karen Serina. Han var fødd 25-2 1885, død 1944. Han gjekk på eit tysk minefelt og vart drepen. Gift 8-10 1920 med Anna-Kirstina Refsnes, fødd 9-3 1884 (7. 1.). Hans Haga tok over bnr. 2. Dei hadde 3 barn:
 1. Henney Haga, f. 15-7 1921, gift med Artur Horpestad.
 2. Bernt Haga, f. 21-5 1927, gift 1967 med Sofie Larsine Danielsen, Stavanger.
 3. Gunvald Haga, f. 18-5 1930.
 12. Ragnvald Refsnes, son til nr. 9., fødd 3-9 1910. Gift 1949 med Marta Haraland, fødd i Gjesdal 26-6 1918, dotter til Anton og Maria Haraland. Ragnvald Refsnes tok over bnr. 1 etter faren i 1949.
 13. Tobias Refsnes, bror til 12., fødd 12-10 1912. Han tok over ein part av farsgarden, Sandhagen bnr. 5, i 1939.
 14. Hans E. Reime (sjå Rimestad 78. 3.), fødd 18-5 1929. Gift med Astrid Kirstiansen, f. i Skåre 12-9 1926, dotter til Karl Kristiansen og kona Birgit. Hans Reime kjøpte ein part på Refsnes, Havtun bnr. 6, i 1953. Barn:
 1. Karl Enevold, f. 11-10 1952.
 2. Olav Asbjørn, f. 10-6 1954.

G.nr. 7. Nærland

Namnet kjem av gudenamnet Njordr, og det er truleg at Nærland i gamal tid er ein avlegger av Njærheim. Stavemåten og uttalen har vore Nerland eller Nærland så langt tilbake som skrift går. — Nærland hadde ei korn landskuld på 4 pund i 1723 som var benefisert Lagstolen i Stavanger. Garden ligg til Haa-åno i sør og til sjøen i vest. I nord og delvis i aust til Salte-åno og Høylands-vatnet og til Høyland og Njærheim. Lendet er heller flatt og sandblanda moldjord med flogsand langs stranda, som var til mykje mein før dei fekk binda sanden med marehalm og skogplanting. Nærland er ein typisk taregard, der det gjennom åra driv inn mykje tare som har vore nytta til hevd og tareoske. Det er lite eller inkje torvmyr på garden, men etter gammalt var der mykje lynghei. Nå er heile Nærland lagt under kultur, så mykje som er dyrkbart, og det er berre sjølve sandstranda som ligg udyrka, men mykje er tilplanta med marehalm og skog.

NAMNEREGISTER

1. Orm
2. Villum
3. Marit
4. Olluff Carlson
5. Torstein Nærland
6. Jon Nærland
7. Rasmus Jonson
8. Isak Jonson
9. Erik Ormson
10. Ola Tjølson
11. Johannes Olson
12. Ola Johannesson
13. Jens Rasmusson Re
14. Erik Olson
15. Johannes Knutson
16. Peder Olson Garborg
17. Isak Isakson
18. Hans Tjølson
19. Tjærاند Jonson
20. Tjøl Hansson
21. Jakob Hansson
22. Rasmus Olson Reime
23. Erik Tjølson
24. Hans Tjølson
25. Ola Monsson
26. Paul Tjærандson
27. Eivind Torstenson
28. Ola Olson — klokkar
29. Torsten Eivindson
30. Tjærанд Paulson
31. Gabriel Erikson
32. Ola Olson
33. Tjøl Hansson
34. Abraham Jonson
35. Erik Gabrielson
36. Gunnar Tjærандson
37. Enok Ellingson
38. Halvar Olson
39. Ola Olson Voll
40. Elling Eivindson Næsheim
41. Eivind Ellingson
42. Ola Gitleson Njærheim
43. Torger Torgerson Edland
44. Elias Ellingson
45. Nils Olson Valdeland
46. Tobias Enokson
47. Tobias Erikson
48. Elias Abrahamson
49. Ola Abrahamson
50. Palle Ellingson
51. Jakob Hansteen Abrahamson
52. Elling Eliasson
53. Torger Torgerson Nærland
54. Enok Nærland
55. Tønnes Nærland
56. Erik Nærland
57. Elling T. Nærland
58. Abraham E. Nærland
59. Ole P. Nærland
60. Arne E. Nærland
61. Hans O. Njærheim
62. Per J. Nærland

63. Arne J. Nærland
64. Nils T. Nærland
65. Alf E. Nærland
66. Aksel Nærland
67. Eivind A. Nærland
68. Per O. Nærland
69. Arne T. Nærland
70. Tjøll E. Nærland
71. Erling Nærland

1. Orm er nemnd på Nærland i 1519.
2. Villum er nemnd i 1519 saman med Orm.
3. Marit er nemnd på Nærland i 1563. Ho var truleg ei enkje.

Tjøll Nærland nemnd i 1567 (sjå Lensrekneskapen s. IV 195).

4. Olluff (Karlson) er nemnd på Nærland i 1591 og fram til etter 1600. I 1591 var han mellom utsendingane frå Haugland skippreide til Kristian IV si hylling i Oslo. I 1618 er han på Grøtheim (i Time?), og det året hadde han — ”udi Rette steffnnd Jonn Nærllannnd for hannd udi forgangenn aar paa Hoglanndzs Thinngh skulle haffue till lagtt hannom enn sag anlangenndis nogenn lax, som hannd schulle haffue saalld til enn hollennder udi Charmsunnd”. — Olluff hadde vorte frådømd åsætesretten til Nærland. Det er ikkje heilt klårt anten det var Grøtheim i Time eller Nærbø at han budde. Men mest truleg var det i Time som låg truleg gift med syster til Klaus Pederson Stangeland i Klepp, og i så fall dotter til presten Peder Jakobson i Håland.

5. Torstein Nærland budde truleg på Nærland samstundes med Olluf. I 1601 er han kalla stykfar til Ranveig Ellingsdtr. Vestly, og måtte då ha vore gift med enkja etter Elling Omundson Vestly (sjå Opstad nr. 5).

6. Jon Nærland er nemnd på Nærland frå 1602. I 1591 hadde han butt på Obrestad. Det må ha vore noko særst med ætta hans og med han. Me veit ikkje kven som var far hans eller kvar han var fødd. Det har vore gissa på at faren heitte Knut og at mora var dotter til presten Jon Ellingson som var den første presten i Haa etter reformasjonen. Han hadde vore lagrettsmann i Kvía skippreide-ting i 1591 og vore med som utsending ved kongehyllinga i Oslo det året. I 1610 var det

ny utsending til Oslo for å hylla prins Kristian (V) som norsk tronfylgjar. Då var Jon Nærland med som utsending frå Haugland skippreide, og (broren?) Per Obrestad, var utsending frå Kvía. Det er ikkje greitt kven som var kona til Jon Nærland. Men som det går fram av det som er skreve under Obrestad nr. 5 og 6, så er det truleg at ho heitte Astrid og var frå Obrestad, og at Jon sin bror, Per Obrestad, var gift med mor hennar. — Astrid må ha vorte gift med ein Øybrand etter Jon var død, og hadde ein son med han som heitte Øybrand og budde på Hobberstad (sjå der 15.). Det er ellers så lite me veit om dette, så det vert helst gissing det me tykkjest vita. Jon budde, som nemnt, på Obrestad i 1591. I 1610 er han på Nærland, og var då lensmann i Haugland skippreida. Etter 1616 er Arne Vig lensmann i Haugland, så Jon var truleg død då. Når eg sa at Astrid var gift med Øybrand etter Jon, så kan ikkje det vera rett, heller måtte ho ha vore gift med Øybrand før ho vart gift med Jon, for barne-barna hennar med Øybrand var fødde før Jon var død (sjå Njærheim 31., Motland 10 og Hobberstad 15.). — Av Jon Nærland sine barn veit me om 5:

1. Rasmus Jonson Nærland (sjå 7.).
 2. Knut Gudmestad (sjå Gudmestad 5.).
 3. Isak Jonson Nærland (8.).
 4. Kristen Jonson Tunheim, gift med Lisbet Torland (Torland 11. 8.).
 5. Gjermund Jonson Gudmestad (Gudmestad 6.). Han var kalla farbror til Øybrand Hobberstad sine barn.
7. Rasmus Jonson var son til nr. 6. Han døde kring 1630. Gift med Ingeborg Tjærandsdotter Kleppe. Far hennar, Tjærand Olson Kleppe, var lensmann i Klepp, og var utsending til prins Kristian si hylling i Oslo i 1610. — Mora var Marit Olsdtr., truleg frå Hauge i Klepp. Dei hadde 6 barn:
1. Peder Rasmusson Stavnheim (sjå 8.).
 2. Berit Rasmusdtr., f. 1622, gift 1) med Sven Toreson Rott, gift 2) med Elling Ingebretson Rott frå Gruda.
 3. Anna Rasmusdtr., f. 1625, gift 1) med Ola Re, gift 2) med Adne Ljødeson Re frå Store Håland.
 4. Kari Rasmusdtr., f. 1627, gift med Tore Madson Bore.
 5. Guri Rasmusdtr., f. 1629, gift med Rasmus Johannesson Lunde.
 6. Maren Rasmusdtr., f. 1630, gift 1) med Jon Olson Anestad, gift 2) med Elling Larsson Anestad (Anestad 12. og 18.).

8. Isak Jonson var bror til Rasmus. Han var brukar på Nærland i 1645. Var truleg først gift med (Eli?) Ormsdtr. Bjorland (Bjorland 1. 2.), gift 2) med Kirsten Eivindsdtr., som der var skifte etter 21-11 1695. Ho var truleg dotter til Eivind Rasmusson Hauge i Klepp og kona Anna Hansdtr.? — Isak hadde visst 3 barn i første gifte og 4 i andre:

1. Kristen Isakson Jåthun, g. med enkja Helga Ingebretsdtr. Jåthun frå Gruda, syster til Elling Rott.
2. Anna Isaksdtr., gift 1) med Torkel Rasmusson Haugland i Time, gift 2) med lensmann Tjærand Erikson Haugland frå Braut.
3. Barbro Isaksdtr., gift med enkjemann Peder Samuelson Hognestad.
4. Isak Isakson Nærland (sjå 17.).
5. Eli Isaksdtr., gift 1) med Eivind Rasmusson Lura frå Re, gift 2) med Gabriel Toreson Lura frå Håve i Høyland, gift 3) med Palle Olson Lura frå Grannes, gift 4) med Hans Tjølson Obrestad, seinare Nærland (sjå 18.).
6. Anna Isaksdtr. d. y., gift 1) med Rasmus Toreson Årslund, gift 2) med Hans Omundson Reime. (Årslund 11. og Reime 14.)
7. Astrid Isaksdtr., gift med Einar Rasmusson Re.

9. Erik Ormson var son til Orm Bjorland og bror eller halvbror til første kona hans Isak Jonson. Han vart gift kring 1630 med enkja etter Rasmus Jonson, Ingeborg Tjærandsdotter, men døde alt kring 1640. Dei hadde 4 søner:

1. Rasmus Erikson Hårr, fødd 1634 (sjå Hårr 19.).
2. Tjærand Erikson Grødaland (Grødaland 10.).
3. Lars Erikson Orre, fødd kring 1636, gift med Guri Bjørnsdtr. Hognestad. Budde på Orre.
4. Lars Erikson Vig, f. 1639, gift med Eli Frantsdtr. (Høyland 14.).

10. Ola Tjølson Stavnheim, son til Tjøl Olson Stavnheim i Varhaug (Stavnheim 7.). Han var fødd kring 1618 og levde i 1665, då han brukte 1 pund i Nærland. Då Erik Ormson var død vart han gift med enkja Ingeborg Tjærandsdtr. og var tredje mannen hennar. Ho måtte vore kring 20 år eldre enn Ola, og hadde barn som var eldre enn han, men ho var ikkje eldre enn at ho fekk ein son med ham:

1. Erik Olson Nærland (sjå 14.).

11. Johannes Olson var son til 4. Han

brukte 1 pund i 1645, og er nemnd som laugrettsmann i 1652. Kona hans var truleg Helga Tjølstdotter frå Orre. Ho skulle som enkje etter Johannes Nærland ha gifta seg med Lars Erikson, yngste sonen hans Erik Ormson, men ho hengde seg straks før bryllupet skulle ha vore i 1663. (Sjå om dette Tingbok I, side 131.) Johannes og Helga sine barn:

1. Ola Johannesson Nærland (12.).
2. Ola Johannesson d. y., budde på Vig i 1670.
3. Jon Johannesson, fødd 1651, gift med Gjertrud Sigmundsdotter Bjelland i Gjesdal. Budde og på Vig.
4. Berit, Johannesdtr.
5. (Aasa Johannesson?), gift 1) med Ola Larsson Reiestad, gift 2) med Elling Rasmusson Reiestad (Reiestad 9. og 12.).
6. (Erik Johannesson Reiestad?) (Reiestad 13.).

12. Ola Johannesson Nærland, son til 11., var fødd kring 1627, død 1693, skifte 17-5. Han brukte 1 pund i Nærland, som han vart tildømt etter mora var død. — Ho hadde nemleg skrive frå seg bykselen til Lars Erikson, som hadde lova å gifta seg med henne. Ola Johannesson var gift 2 gonger, men den første kona er ukjend, ho heitte truleg Guri. I 1682 vart han gift 2) med Marit Knutsdotter som truleg var frå Njærheim. Han hadde 1 barn i første gifte og 2 i andre:

1. Johannes Olson Njærheim (Njærheim 48.).
2. Guri Olsdtr., gift med enkjem. Bård Gausland (sjå der 8.).
3. Ola Olson Anestad, f. 1691 (Ånestad 28.).

13. Jens Rasmusson Re, son til Rasmus Eivindson Re og kona Barbro Einarsdtr. Han var fødd 1640, død 1695, gift med enkja etter Isak Jonson, Kirsten Eivindsdtr. Dei hadde ikkje barn.

14. Erik Olson, son til 10. Var fødd kring 1647, død 1693, skifte 7-6 det året. Han var gift med Anna Omundsdotter Reime, som der var skifte etter 28-3 1731 (Reime 11. 4.). Erik brukte 1 pund etter faren. Han hadde 5 barn:

1. Ola Erikson Reiestad, fødd 1681 (sjå Reiestad 16.).
2. Ingeborg Eriksdtr., gift med Erik Hobberstad (Hobberstad 30.).
3. Omund Erikson, f. 1688. Den 3-12 1708 hadde ei Malena Eriksdotter klaga Omund Erikson Nærland og skulda

han for å vera far til barnet hennar. Sidan veit eg ikkje meir om han. (Sjå Tingbok II, side 267.)

4. Berit Eriksdtr., f. 1690, død ugift etter 1758. — Ho hadde folge hjå Tjærånd Jonson.
5. Karen Eriksdtr., gift 1703 med Ola Rasmusson Orre, som var trimenningen hennar.

15. **Johannes Knutson**, son til Knut Øybrandson Njærheim. Han var fødd kring 1664, død før 1706, gift med enkja etter Ola Johannesson (12.), Marit Knutsdtr. Han budde på Nærland i 1701. I 1702 rømde han frå heim og kona, og ingen spurde meir til han. Han hadde ikkje barn.

16. **Peder Olson Garborg** var son til Ola Pederson Garborg. Han var fødd kring 1680, død 1741, skifte etter han 10-10 det året. Gift 1) med enkja etter Johannes Knutson, Marit Knutsdotter, etter at førre mannen hennar var lyst død. Ho døde i 1733, og Peder gift 2) med Guri Anundsdotter (Vigre 15. 3.). I 1738 var Peder Nærland for Retten skulda for å vera far til barnet til gjenta Berit Olsdtr. Heien, men han svor seg fri. Då er nemnd ein son: Anders Pederson, men han må vera død. Andre barn er ikkje nemnde.

17. **Isak Isakson**, son til 8. Fødd kring 1660 og levde i 1733. — Gift med enkja etter Erik Olson (14.) Anna Omundsdr., som døde i 1731. Isak brukte 1 pund og 18 spand i Nærland og åtte 14 spand i Steinsland og 23 spand i Frøyland i Time. I 1728 selde han 18 spand i Frøyland til Mikkel Erikson Frøyland og Sven Roaldson Frøyland. Isak og Erik Olson var skylde i andre og tredje ledd, og han måtte ha konge-løyve for å gifta seg med Erik si enkja. Han hadde 4 barn:

1. Erik Isakson, død før 1758. Han budde på Sandnes.
2. Isak Isakson, død ugift.
3. Astrid Isaksdotter, gift med Tjærånd Jonson (19.). Ho hadde først vore trulova med Tjærånd sitt syskenbarn, Paul Torstenson Grødalaland, — som hadde teke over bruket på Nærland (sjå 18 B.).
4. Kirsten Isaksdotter, gift med Hans Einarson Re.

18. **Hans Tjølson Obrestad** (Obrestad 12. 2.), fødd kring 1675, død 1741. Gift 1) med enkja Eli Isaksdotter (sjå 8. 5.) som

døde i 1711. Gift 2) med Berit Jonsdtr. Hobberstad (sjå Hobberstad, Varhaug 25. 5.), død 1742. Hans var komen til Nærland før 1701 og brukte 1 pund og 18 spand, som eg har meint var den parten som Erik Olson hadde brukt. Han åtte arvegods i Store Salte og Skjæveland. Hans Tjølson hadde ikkje barn i første gifte, men Eli hadde 6 barn med dei 3 første mennene. Me skal ta dei med her:

1. Rasmus Eivindson Lura, f. 1671, gift med Guri Andersdtr. Sande.
2. Eivind Gabrielson, f. 1688, d. 1695.
3. Kari Gabrielsdtr., gift 1) med Ola Erikson Reiestad, Varh., gift 2) med Sven Kristoferson Lode (Lode 28.).
4. Kirsten Gabrielsdtr.
5. Anna Gabrielsdtr., død før 1711, ugift.
6. Ola Palleson, f. 1691, han var utanlands i 1736. (Tingb. V, side 224.)

Hans sine barn med Berit Jonsdotter:

1. Tjøl Hansson Nærland, f. 1711 (20.).
2. Jon Hansson, var i København i 1741.
3. Torsten Hansson Obrestad (Obrestad 21.).
4. Jens Hansson, var i Holland i 1741.
5. Jakob Hansson Nærland (sjå 21.).
6. Eli Hansdtr., f. 1726, gift med Sven Olson Orre.

18 B. **Paul Torstenson Grødalaland** (sjå Grødalaland 11. 6.). Fødd kring 1703, død 1731. Han var trulova med Astrid Isaksdtr. (17. 3.), og hadde teke over bykselen av bruket på Nærland. Så døde han brått, utan at dei hadde vorte gifte. Det vart då noko usemje mellom Isak Nærland og Paul sine arvingar, far og sysken. (Om det sjå Tingbok IV, side 220.)

19. **Tjærånd Jonson Vestly**, var son til Jon Tjæråndson Vestly frå Grødalaland og kona Malena Omundsdr. Han var syskenbarn til Paul Torstenson. I 1733 vart han gift med Astrid Isaksdotter. Han var fødd i 1707, død 1762. Astrid var fødd kring 1705 og døde i 1755. Så gifta Tjærånd seg 2) i 1756 med Guri Toresdotter Søyland, fødd kring 1727, død 1766 (sjå Søyland 12. 1.). Tjærånd tok over 1 pund og 18 spand etter Paul Torstenson. Tjærånd tok over 1 pund og 18 spand etter Paul Torstenson. I 1742 selde han 14 spand i Steinsland, som han vel hadde fenge i arv med Astrid, og som Erik Ellingson Steinsland då brukte, til Kammeraad Valentinsen for 28 riksdalar. — Han fekk 3 barn i første gifte og 2 i andre:

1. Paul Tjæråndson Nærland, fødd 1733 (sjå 26.).

2. Isak Tjærandson Søyland (Søyland 14.)'
3. Jon Tjærandson, f. 1739, d. 1766, ugift.
4. Astrid Tjærandsdr., f. 1759. Ho var gift 1) i Stavanger med Tore Andersson, og gift 2) i Eigersund med Abraham Myklebust. Budde i Stavanger og hadde 2 døtre i første gifte og ei i andre:
 1. Anna Maria Toresdr., f. i Stavanger 1787, gift 1) med Gunnar Hansson Obrestad (Obrestad 24.), gift 2) med Tjæran Paulson Nærland (Nærland 30.).
 2. Taletta Abrahamsdr., f. 1790.
5. Tore Tjærandson, f. 1756 (sjå Rimestad 40.).

20. Tjøl Hansson var son til 18. Han var fødd kring 1711, død 12-11 1797. Gift med Anna Eriksdotter Hobberstad, fødd kring 1721, død 27-12 1788. Ho var dotter til lensmannen Erik Jonson Hobberstad og kona Ingeborg Eriksdr. frå Nærland (sjå 14. 2.). Dei var syskenbarn, då Tjøl si mor var faster hennar. Tjøl Hansson tok over bykselen av 1 pund og 18 spand etter faren i 1740. Dei fekk 7 barn:

1. Erik Tjølson Nærland, f. 1748 (23.).
2. Hans Tjølson Nærland, f. 1750 (24.).
3. Jon Tjølson Bø, f. 1752 (sjå Bø 67.).
4. Berta Tjølstdr., gift med Elling Jonson Njølstad (Njølstad 8.).
5. Jens Tjølson Grødaland, f. 1760 (Grødaland 14.).
6. Jon Tjølson Helvig, f. 1760, gift med Guri Rasmusdr. Bø. Han budde på Helvig, men kom heim til Nærland og kjøpte folge hjå broren Erik, då han var vorten enkjemann og barnlaus. Han døde på Nærland i 1840, 80 år gamal.
7. Ingeborg Tjølstdr., f. 1765, gift med Erik Gitleson Årsland (Årsland 25.).

21. Jakob Hansson, bror til 20., var fødd kring 1721, d. 1769, gift 1) med enkja etter Peder Olson (16.) Guri Ånundsdr. som døde 1758, gift 2) med Anna Re, f. 1727, d. 5-6 1805, dotter til Hans Einarson Re og kona Kirsten Isaksdr. frå Nærland (sjå 17. 4.). Jakob tok over 12 sp. etter Peder Olson. I 1762 selde Jakob Hansson Nærland, Isak Hansson Re og Hans Einarson Re 6 sp. i Arrestad i Time til Nils Ingebretson. Dei same selde 8 sp. i Øvre Time til Ivar Rasmusson Garborg same året. — Jakob fekk 3 barn i andre gifte:

1. Guri, f. kring 1763, gift med Eivind Torstenson (27.).

2. Kirsti, f. 1766, d. 1771.
3. Hans, f. 1767, d. på Mid-Salte 28-3 1854, ugift.

22. **Rasmus Olson Reime**, — son til Ola Toreson Reime (18. 2.) var g. med enkja etter Jakob Hansson, Anna Hansdr. — Rasmus døde på Nærland, og der var skifte etter han 19-6 1777.

23. **Erik Tjølson**, son til 20., var fødd 1748, truleg død 10-1 1833, gift med Berit Sør-Reime, f: 1752, d. 13-11 1820, dotter til Ola Nilsson Sør-Reime (16. 6.). — Han byksla 21. sp. av lagmann Hans Knoph etter faren i 1780. I 1832 fekk han kongeskjøte på dei 21 sp. for 200 spd. Dei fekk ikkje barn, og bruket gjekk til syster-sonen, Gabriel Årsland.

24. **Hans Tjølson**, bror til 23., var fødd 1750, død 25-1 1840, gift 1) med Berta Svensdr. Åre, fødd 1754, død 16-6 1796, dotter til Sven Olson Åre og kona Eli Hansdr. frå Nærland (sjå 18. 6.), gift 2) 15-3 1797 med Berta Malena Obrestad, f. 1773, d. 23-5 1828 (Obrestad 20. 8.). Hans byksla 21 sp. av lagmann Jakob Hveeding etter faren i 1789. I bykselbrevet heiter det m. a.: "Hans Tjølson skal sin levetid bruke og nyde samme 21 spand saa fremt han tillige med sin broder Erik Tjølson, som i aaret 1780 den 20-10 blev av faderen, Tjøl Hansson, overdraget det halve brug i denne gaard Nærland 21 spand, tillige med hans nu bœxlende broder Hans Tjølson, holder gaardens huse i forsvarlig stand. Og da begge brødre nu ere blevne enige om at opbygge nye huse, hvortil den ældste broder ved indtrædelsen til halve gaarden, allene har forpligtet sig til sine og familiens højest fornødne brug har han, nemlig Erik Tjølson, i reversen tilforpligtet sig at betale den derpaa halve bekostning, og ligesaa av hvad tilfælles bruges av de gamle huse, skal de i bekostningerne være lige deltagne, samt begge som meldt, holde husene i lovlig stand, med vilkår at de selv beboer og bruger. Om husene ei som efter den skeede regulering og efter dens beskaffenhed ikke kan formodes, til Compagnie Chefs skulde blive udseet. Efter denne imellem faderen og disse 2de sønner oprettede contract, skal de hver for sig lige meget aarlig give ham paa gaarden sit livs ophold og ellers den behøvende forpleining og rygt. I øvrigt forpligtes den bygslende Hans Tjølson herved til at han forsvarlig dyrker, rydder og paa bestmuligste maade forbedrer jorden,

samt forsvarlig skjær og ikke til upligt bruger eller benytter sig av torvmyrene i ingen maade lader noget af gaardepartens tilliggende frakomme, betaler aarlig og i rette tiid de kongelige skatter, samt ligeledes landskylden og all anden rettighed hvorunder forstaaes leeding og tiende til laugmanden i Stavanger og ellers i alle maader skikker og forholder sig som en lydige og retskaffen leilæending bør efter loven. Stavanger 21/10 1789, J. Hveeding.” — Hans Tjølson kjøpte 77a pund smørskuld i Saltved Øde av faren i 1790 for 23 rdl. Han hadde 2 barn i første gifte og 1 i andre:

1. Tjøl Nærland, f. 1791 (33.).
2. Sven, f. 1796, død på Nærland 31-3 1855, ugift.
3. Hans, f. 19-4 1807, d. 21-6 1828, ugift.

25. **Ola Monsson** var son til Mons Jonson Kolnes og kona Maren Olsdr. frå Granes. Han var fødd kring 1739, død 10-12 1819, gift 1) med enkja etter Tjærand Jonson (19.), Guri Toresdr., som døde i 1766, gift 2) med Berta Olsdr. Årre, fødd kring 1735, dotter til Ola Rasmusson Årre og kona Karen Eriksdr. frå Nærland (sjå 14. 5.). Ho var faster til første kona hans Hans Tjølson. — Ola Monsson tok over bykselen av 1 pd. og 18 sp. etter Tjærand Jonson i 1762. Han fekk 1 barn i Iste gifte og 3 i 2dre:

1. Ingeborg, f. 1766, g. 1793 med Omund Jonson Kvalbein.
2. Ola Olson Nærland, f. 1770 (28.).
3. Guri, f. 1774, gift 1797 med Tjærand Isakson Søyland (Søyland 16.).
4. Maren, f. 1777, gift 1799 med Jon Pederson Hobberstad (Hobberstad 38.).

26. **Paul Tjærandson**, son til 19., var fødd kring 1733, d. 24-5 1821, gift med Inger Garborg, f. 1742, d. 19-12 1815, dotter til Knut Eivindson Garborg og kona Guri Hansdr. frå Risa. Paul byksla 21 sp. av Gerhard Pederson Gelmyden, lagmann i Stavanger, i 1774, som Ola Monsson hadde brukt, men som Paul hadde betalt bykselen for. Han kjøpte y2 laup smør i Haa Laksefiske i 1799 for 537 rdl. saman med Eivind Torstenson og Ola Olson. I 1781 kjøpte han 7y2 mark smør i Saltved Øde av L. S. Hjorth for 23 rdl. — Han hadde 3 barn:

1. Tjærand Paulson Nærland, fødd 1776 (30.).
2. Hans Hauge, f. 1779, gift 4-12 1814 med Berta Karina Tørresdr. Hauge. Budde på Hauge i Klepp.
3. Knut Paulson, f. 1783, truleg d. ugift.

27. **Eivind Torstenson** var son til Torsten Hansson Obrestad frå Nærland (18. 3.) og Iste kona, Kirsten Eivindsdr. (Obrestad 21. 3.). Han var fødd kring 1747, død (1825?), gift med Guri Jakobsdr. Nærland (21.), f. 1763, d. 5-10 1828. Dei var syskendbarn: Eivind byksla dei 12 sp. etter Rasmus Olson kring 1778. I 1781 kjøpte han ein part i øydegarden Saltved Øde, $7\frac{1}{2}$ mark smør, for 13 rdl. 2 ort. Han fekk 8 barn:

1. Kirsten, f. 1780, gift 1-11 1832 med Sivert Omundson frå Stavanger. Budde visst på Sandnes. — (Sjå Folk på Sandnes Nr. 812.)
2. Jakob, f. 1784, d. 19-2 1836, ugift.
3. Torsten, f. 1787, d. 1788.
4. Torsten, f. 1789, d. 1789.
5. Hans, f. 1790, gift 14-6 1836 med enkja Anna Eriksdotter Obrestad (Obrestad 27.).
6. Anne Berte, f. 1793, gift 16-3 1820 med Tollak Erikson M-Salte.
7. Torsten Nærland, f. 1796 (29.).
8. Elias Eivindson, f. 1799, d. i Stavanger kring 1825, gift 19-6 1823 med Karen Ellingsdr., f. 18-11 1798. Han var dagarbeidar i Stavanger. Då han var død, flutte enkja til Nærland og vart seinare gift med Torsten Eivindson. Ho hadde då ei dotter, Guri Eliasdr. som vart gift med Abraham Jonson (34.).

28. **Ola Olson**, son til 25. var f. 1770, d. 27-1 1828, gift Fastelaven 1801 med enkja etter Jon Torstenson Obrestad, — Tala Ivarsdr., f. i Eigersund 1778, d. 24-5 1820 (sjå Obrestad 28.). Ola var klokkar. Han byksla 21 sp. av Jens Rudolf Dreyer i 1820 etter faren. Dei fekk 4 barn:

1. Berta, f. 1. søndag etter Påske 1802, gift 16-3 1821 med Ola Omundson Rimstad (Rimstad 41.).
2. Maren, f. 6-2 1804, gift 11-10 1829 med Rasmus Rasmusson Njærheim (Njærheim 77. 4.).
3. Peder Olson, f. 20-11 1806.
4. Ola Olson Nærland, f. 25-1 1811 (32.). Ola kjøpte buskap og lausøyra av faren, 6 kyr, 12 sauer og ymse reidskap, for 5 spd. i 1817.

29. Torsten Eivindson, son til 27., fødd 3-1 1796, død 15-1 1871, gift 29-8 1838 med enkja etter broren Elias, Karen Ellingsdr., f. 1798, d. 13-8 1870, dotter til Elling Ellingson Stavnheim og kona Karen Larsdr. (sjå Håland, Varh. 35. 6.). — Torsten fekk kongeskjøte på 12 sp. i 1833 for 197 spd. I 1836 seld han dei 12 sp. til broren Hans for 100 spd. -f- folge.

Hans gifta seg straks etter med enkja etter Jon Larsson Obrestad, Anna Eriksdr. og flutte til Obrestad. Så let han Torsten få att garden for 60 spd. Det var då han Torsten tok seg på tak og gifta seg med Karen som hadde vore hushaldar hjå dei 3 brørne, Jakob, Hans og Torsten heilt sidan Elias døde. Jakob Eivindson åtte 3 sp. i Haavåg laksefiske, som Hans løyste ut med 100 spd. i 1836. Torsten fekk ikkje barn, og brordtr. og stykdr. Guri Eliasdr. tok over garden (34.).

30, Tjærand Paulson, son til 26., f. 1776, d. 2-12 1851, gift 21-3 1815 med enkja etter Gunnar Hansson Obrestad, Anna Maria Torsdr., f. i Stavanger 1787, d. 16-1 1839, dotter til Tore Andersson og kona Astrid Tjærandsdotter frå Nærland (19. 4.). Tjærand kjøpte 21 sp. av staten i 1830 for 50 spd. Ved skifte etter Anna Maria Toresdr. i 1840 vart 9 mark smørskuld i Haavåg laksefiske utlagt til Rasmus Hansson Reime og Sven Hansson Nærland, og 7V8 mark smørskuld i Saltved Øde til barna Paul, Knut, Tobias, Inger, Maren Taletta og Anna Maria. — Knut Tjærandson selde sin lut, 2% sp. i Refsnes, til Hans Asbjørnson Skeie og Tolleiv Jonson Skeie i 1863 for 120 dalar. 7 barn:

1. Gunnar Nærland, f. 22-1 1816 (nr. 36).
2. Paul Tjærandson Odland, f. 17-7 1818 (Odland, Varhaug 52.).
3. Knut Tjærandson, f. 25-4 1821 (sjå Høyland 97.).
4. Tobias Tjærandson, f. 19-2 1824, gift i Eigersund 8-3 1855 med Anna Kirstina Omundsdr. Dybing. Han var sjømann.
5. Inger Tjærandsdr., f. 5-2 1827, gift i Stavanger 18-9 1863 m. kramkar Halvard Anundson frå Sandtvedt prestegjeld.
6. Maren Taletta Tjærandsdotter, f. 8-9 1832.
7. Anna Maria Tjærandsdr., f. 2-1 1836.

31. Gabriel Erikson Årsland (sjå Årsland i Varhaug 25. 1.). Han var fødd i 1789, død 17-3 1845. Gift 12-11 1813 med Kirsten Ellingsdr. Njølstad, fødd 1788, død 7-11 1857 (Njølstad 8. 6.). Dei var syskenbarn. Gabriel Erikson fekk kjøpa 21 sp. i Nærland av sin barnlause morbror, Erik Tjølson i 1832 for 100 dalar med følge. I 1813 kjøpte han 7% mark smørskuld i Saltved Øde av Erik og 9 mark smørskuld i Haavåg Laksefiske. I 1844 selde han luten sin i laksefisket til Sivert Rasmusson Vig. I 1818 hadde han kjøpt

buskapen, 5 kyr, 2 hestar og 16 sauer og to små båtar, 50 hummarteinar, alle gardsreidskap, 2 kvernstader, 20 tønner havrekorn m. m. for 100 dalar. Alt utan kiste- og gangklær. Han har altså teke over bruket av garden lenge før han fekk skjøte. Gabriel og Kirsten Nærland hadde 6 barn:

1. Berta Gabrielsdr. f. 20-10 1815, gift 1) med Elias Olson Varhaug, gift 2) med Peder Rasmusson Høyland (Søyland 25.).
2. Ingeborg, f. 8-3 1818, d. på Nærland 4-8 1905, ugift.
3. Anne Berte, f. 8-6 1821, gift med Rasmus Jonson Refsnes (5.).
4. Elen, f. 4-12 1823, d. 4-6 1865, ugift.
5. Erik Nærland, f. 5-1 1827 (35.).
6. Elling, f. 29-6 1833, gift 12-4 1866 med Karen Gitlesdr. Njærheim (Njærheim 98.). Budde i Stavanger.

32. Ola Olson, son til 28., var f. 25-1 1811, d. 17-3 1862, gift 26-3 1829 med Taletta Tjærandsdr. Søyland, f. 11-2 1807, d. 1-5 1881 (Søyland 16.). Ola kjøpte Vs av Haa Laksefiske av faren i 1827 for 100 spd., og ein part i Saltved Øde for 40 spd. I 1830 kjøpte han ved bykselauksjon 21 sp. i Nærland av futen Søren Daniel Schøtz for 53 spd. Dei fekk 7 barn:

1. Ola, f. 29-5 1829, d. 19-9 1829.
2. Ola, f. 4-2 1831, d. 1831.
3. Ola, f. 26-8 1833 (39.).
4. Taletta, f. 21-8 1837, gift 10-11 1881 med Abraham Åse (Bekken).
5. Grete, f. (1838?), ikkje i kyrkjeboka. Død på Gudmestad 27-1 1908, ugift.
6. Tjærand, f. 28-10 1841, gift i Stavanger 5-6 1874 med Anna Rasmusdr. Gjesteland. Han var bygningsmann i Stavanger. Budde visst seinare på Island?
7. Johanna Margreta, f. 1-7 1848.

33. Tjøl Hansson, son til 24., var f. 12-6 1791, d. 9-7 1860, gift 19-10 1831 med Anna Gunnarsdr., f. 25-2 1813, d. 8-4 1867, dotter til Gunnar Hansson Obrestad og kona Anna Maria Torsdr. (Obrestad 24. 2.). Ho var såleis stykdr. til Tjærand Paulson Nærland og hadde vakse opp på Nærland. Tjøl kjøpte 2% sp. i Saltved Øde av faren i 1831 for 30 spd. og fekk kongeskjøte på 21 sp. i Nærland i 1832 for 200 spd. Han fekk 3 barn:

1. Berta, f. 19-5 1835, d. 3-10 same året.
2. Berta, f. 19-9 1837, gift med Enok Ellingson (37.).
3. Grete, f. 29-6 1843, d. 5-7 same året.

34. **Abraham Jonson** var son til Jon Pederson Hobberstad og kona, Maren Olsdtr. frå Nærland (sjå 25. 4.). (Hobberstad 38. 8.) Han var f. 19-3 1817, d. 25-4 1905, gift 25-3 1846 med Guri Eliasdtr. Nærland (27. 8.), f. 16-11 1823, d. 14-8 1909. Abraham hadde vore skulemeistar og var prestens medhjelpar og gjorde tenest som klokkar når det trongst. Han kjøpte 3 sp. i Haavåg Laksefiske for 50 spd., og 12 sp. i Nærland med **iy** 2 sp. i Refsnes for 100 spd. + følge av Torsten Eivindson i 1846. I 1854 byksla han ei gamal løtuft eller "Kjengerhagen" av Gunnar Tjærandsen. Denne tufta eller hagen låg nordan- eller austanfor Abraham si løy. I 1876 selde han eit engstykke i Nærlands mark til Omund Rasmusson Rimestad (Nesjane, 6 sp.) for 60 spd. Abraham og Guri fekk 9 barn:

1. Tobias, f. 3-8 1848, d. 27-2 1882, ugift.
2. Maria, f. 18-3 1851, gift med Eivind Ellingson Nærland (41.).
3. Jon, f. 8-8 1853, d. 18-12 1879, ugift.
4. Karen Margreta, f. 22-9 1855, d. 15-6 1871.
5. Elias Nærland, f. 18-3 1858 (48.).
6. Gurina, f. 23-6 1860, gift 10-6 1885 med Martin Edland (Bø 126.).
7. Anna, f. 25-1 1863, d. 1-7 1880.
8. Ola Nærland, f. 21-2 1866 (49.).
9. Jakob Nærland, f. 9-7 1868 (51.).

35. **Erik Gabrielson**, son til 31., var f. 5-1 1827, d. 16-1 1906, gift 9-11 1848 med Anne Berte Tjølstdtr. Njølstad, f. 9-1 1823, d. 19-1 1860 (Njølstad 10. 1.). Dei var syskenbarn. Han tok over 21 sp. i Nærland etter faren i 1848 og kjøpte 3 sp. i Haavåg Laksefiske av Sille Marie Jonsdtr. Vig i 1864 for 90 spd. Dei fekk 4 barn:

1. Kirsten, f. 12-8 1849, d. 24-5 1906, ugift og åndsvak.
2. Gabriel, f. 23-10 1851, d. 23-4 1937, ugift og åndsvak.
3. Maria, f. 11-6 1855, d. 23-11 1864.
4. Tobias Nærland, f. 29-1 1858 (47.).
5. Ingeborg.

36. **Gunnar Tjærandsen**, son til 30., var f. 22-1 1816, d. på Hinna Fattiggård 12-3 1891, gift 11-4 1850 i Time med Maren Taraldsdtr., 28-3 1825, dotter til Tarald Olson Oma og kona Anna Malena Tørresdtr. Oma. Gunnar fekk kongeskjøte på 21 sp. i Nærland i 1850 for 1000 spd. I 1846 kjøpte han 3 sp. i Haavåg Laksefiske av faren for 100 spd. I 1850 selde han halve garden, 10y2 sp. til Halvar Olson, — og i 1854 selde han den andre halve til Elling Eivindson Næsheim. —

Sidan flytte han bort, og budde visst i Stavanger eller på Jåthun. Tønnes Gunnarson tente på Oma i 1865, 14 år gamal.

37. Enok Ellingson var son til Elling Gullikson Horpestad i Klepp og kona, Anna Tørresdtr. Han var f. 3-12 1829, d. 6-1 1892, gift 1) 7-7 1853 med Berta Tjølstdtr. Nærland, f. 19-9 1837, d. 15-12 1865, dotter til 33., gift 2) i Klepp 3-9 1867 med Johanna Rasmusdtr. Arre, f. 10-3 1835, d. 9-12 1869, dotter til Rasmus Tørreson Arre og kona Berta Elisabet Larsdtr., gift 3) 16-9 1885 med Jorina Pedersdtr. Sveine, f. 1-6 1848, d. 30-3 1927 (sjå Opstad 67. 3.). Enok kjøpte 21 sp. i Nærland og 2% sp. i Refsnes av Tjøl Hansson i 1853 for 300 spd. I 1863 kjøpte han 10y2 sp. av Ola Olson for 730 spd. og selde 9y2 sp. av desse til Torger og Martin Edland i 1863 for 900 spd. Han fekk 3 barn i første og 2 i andre:

1. Eilert Theodor, f. 20-4 1854, d. 13-12 same året.
2. Anna, f. 12-7 1860, gift 1-11 1877 med Jon Hansson Ase i Klepp.
3. Tobias Nærland, f. 12-7 1860 (46.).
4. Bernhard, f. 17-7 1868, d. 25-11 s. å.
5. Johanna, f. 27-11 1869, gift 22-1 1890 med Abraham Abrahamson Håland i Time, f. 16-11 1854.
6. Karl Næsheim, f. i Time 21-2 1879, d. 3-1 1967, gift med Anne Berte Olsdtr. Mauland. Budde på Madla.

38. Halvar Olson var visst frå Årsvoll. Ola Aurenes har ført han opp på Skjæveland i Høyland nr. 82. Han var f. på Anda 17-3 1816, og var son til Ola Tolleivson Vaule (Øksnevad?) og kona Jorina Halvarsdtr. frå Kleppe. Halvar kjøpte **10y** 2 sp. i Nærland av Gunnar Tjærandsen i 1850 for 500 spd. I 1854 selde han same til Eivind Ellingson Næsheim. Han var gift 13-12 1838 med Rakel Maria Govertsdtr. Årsvoll, og hadde nok budd på Årsvoll og Skjæveland før han kom til Nærland. 2 barn var fødte på Nærland:

1. Karen Malena, f. 29-4 1850, d. 4-8 s. å.
2. Hanna Regina, f. 20-11 1853, gift 28-8 1894 med bøkker Lars Ellingsen.

39. Ola Olson, son til 32., var f. 26-8 1833, gift 7-11 1867 med Anna Torstensdtr. Voll, f. 25-9 1842. Ola fekk kongeskjøte på 21 sp. i 1862 for 1200 spd. I 1863 selde han helvta av garden til Enok Ellingson, og i 1869 resten til. Ola Gitleson og flutte til Voll i Varhaug (sjå der 99.).

40. Elling Eivindson Næsheim (sjå Næsheim 87.) var f. 24-1 1802, gift 24-3 1833

med Guri Taraldsdr. Skjærpe. I 1854 kjøpte han 10y2 sp. i Nærland av Gunnar Tjærandsen for 1100 spd., og selde 1 pund i Næsheim til J. M. Køhler i 1855 for 2800 spd.

41. **Eivind Ellingson**, son til 40., f. 31-8 1834, d. 30-11 1902, gift 30-3 1876 med Maria Abrahamsdr. Nærland (34.), f. 13-3 1851, d. 19-11 1932. Eivind kjøpte 10y2 sp. i Nærland av Halvar Olson i 1854 for 600 spd. -f følge til foreldra, Elling og Guri, og systera Anna Maria Ellingsdr. Dette kan tyda på at faren hadde kjøpt bruket før Eivind. Det var likevel Eivind som fekk skjøte frå Halvar Olson. Eivind kjøpte ein lut i Haavåg Laksefiske av Maria Henriksdr. Søyland og Samuel Ledaal sine arvingar i 1880 for 1000 kroner. Eivind og Maria fekk ikkje barn. Og garden gjekk seinare til systersonen, Elling Tobiasson.

42. **Ola Gitleson Njærheim** (Njærheim 98. 2.) var f. 9-9 1825, d. 22-5 1882, gift 27-3 1873 med Johanna Bryne, f. 31-7 1853, dotter til Bernt Eilevson Bryne og kona Ingeborg Malena Gitlesdr. frå Salte. Ola kjøpte 10y2 sp. av Ola Olson i 1869 for 1100 spd. + følge til enkja Taletta Tjærandsdr. Ved skifte etter han den 31-7 1888 vart garden tilskriven enkja for 9000 kroner. Dei fekk 5 døtre:

1. Inger Malena, f. 29-3 1874, død ugift.
2. Maria, f. 23-12 1875, gift 12-6 1903 med August Skjærpe (Skjærpe 44.).
3. Karen, f. 8-8 1878, gift 10-11 1905 med Betuel Håland (Njærheim 140.)
4. Johanna, f. 17-8 1880, d. 16-11 1898, ugift.
5. Oline, f. 11-6 1882, gift 21-3 1908 med med Rasmus R. Skjærpe (Skjærpe 35. 4.).

43. **Torger Torgerson Edland** var son til Torger Torgerson Edland i Gjesdal og kona Guri Toresdr. Han var f. i Gjesdal 21-9 1836, d. 1-1 1933, gift i Time 26-6 1862 med Oline Kverneland, f. 1-11 1842, d. 30-1 1927, dotter til Gabriel Olson Kverneland og kona Marta Rasmusdr. frå Bore. Torger var bygningsmann og var med og bygde opp att Stavanger etter brannen i 1860. Seinare forpakta han Haa prestegard saman med broren Martin ei tid. I 1863 kjøpte han 9y2 sp. i Nærland av Enok Ellingson, saman med Martin, for 900 spd. Han flytte då til Nærland, men Martin heldt fram med forpaktinga på Haa, og i 1879 selde han parten sin i Nærland til Torger, for 2000

kroner. I 1874 gjorde Torger opptaket til skogplanting i "Fællesmarken". — Han gjorde og opptaket til planting av marehalm i sandkulene og fekk på den måten stogga sandfloget som før hadde gjort stor skade på jordene. Torger Nærland og Køhler på Næsheim og Martin Edland på Haa, seinare Bø, var kanskje dei som gjorde største framskuven mot rasjonelt jordbruk i Nærbo. Torger og Olina fekk 10 barn:

1. Gurina, f. på Haa 21-6 1863, gift med Tobias Enokson (46.).
2. Torger, f. på Haa 3-2 1865 (53.).
3. Marta, f. på Haa 5-1 1867, gift 19-8 1887 med målar Andreas Skaar (Bø 139.).
4. Olina, f. på Nærland 21-8 1868, gift 29-3 1889 med Tobias Gudmestad (Næsheim 114.).
5. Rakel Maria, f. 23-7 1871, d. 13-6 1935, ugift. Var jordmor.
6. Gabriel, f. 8-5 1873, gift 16-6 1899 m. Akseliana Kristine Njølstad (Næsheim 113.).
7. Tønnes, f. 7-5 1875, gift med Sikke Maria Torland (Torland 81.).
8. Helga, f. 23-10 1880, gift 29-3 1903 med Ivar Lygren, lærar, seinare lensmann i Bakke i Vest Agder, d. 23-9 1961.
9. Justine, f. 30-1 1883, gift 16-10 1909 med Kristian Hanssen frå Island. — Bur på Sandnes (Skei).
10. Tora, f. 16-9 1886, gift 26-8 1912 med Samuel Lygren. Bur på Stangeland ved Sandnes.

44. **Elias Ellingson**, son til 40., var fødd 20-11 1844, død 31-7 1879, gift 8-4 1870 med Berta Kirstina Salte, fødd 6-9 1844, dotter til Ola Johannesson Store Salte og kona Ane Berte Olsdr. frå Høyland (sjå Høyland 56. 4.). Elias kjøpte bnr. 4 av faren i 1867 for 400 spd. + følge til foreldra. Han fekk 2 barn:

1. Gurine, f. 9-11 1873.
2. Elling Nærland, f. 29-9 1877 (52.).

45. **Nils Olson Valdeland** var son til Ola Nilsson Valdeland i Varhaug og kona Elisabet Isaksdr. frå Auestad (Valdeland 14. 1.). Han var fødd 3-8 1862, gift 23-2 1882 med enkja etter Elias Ellingson, Berta Kirstina Olsdr. Nils budde ei tid på Nærland, men kom seinare til Salte. Han fekk 2 barn:

1. Ole Elias, f. 12-3 1883, gift med Inga Horpestad. Han døde i Montana.
2. Gurina, f. 29-6 1885, gift med Henrik Svensen.

46. Tobias Enokson, son til 37., var f. 12-7 1860, d. 8-2 1893, gift 30-3 1882 med Gurina Torgersdtr. (43.), f. 21-6 1863, d. 21-8 1931. Ved skiftet etter mora i 1867 vart garden, bnr. 2, tilskriven han for 1400 spd. Han fekk 5 barn:

1. Enok Nærland, f. 29-7 1883 (54.).
2. Tønnes Nærland, f. 21-3 1885 (55.).
3. Berta Amalia, f. 8-2 1888, gift med Elling Tobiasson Nærland (57.).
4. Olina, f. 7-10 1890, gift 21-12 1919 med Trygve Dahl frå Aadalen.
5. Tobias Nærland, f. 25-9 1893, gift 1916 med Elen Marie Henriksen frå Stavanger. Bur på Kaffihodl.

47. Tobias Erikson, son til 35., var f. 29-1 1858, d. 15-10 1929, gift 20-3 1884 med Taletta Ellingsdtr. (40.), f. 25-1 1851, d. 25-7 1938. Han kjøpte bnr. 5 av faren i 1885 for 2600 kroner + følge til faren og broren Gabriel og søstre Kirsten og Ingeborg. Han kjøpte og ein lut i Haavåg Laksefiske for 500 kroner. — Dei fekk 3 barn:

1. Erik Nærland, f. 1-10 1885 (56.).
2. Elling Nærland, f. 9-4 1888 (57.).
3. Anna Maria, f. 27-4 1890, d. 14-2 1902.

48. Elias Abrahamson, son til 34., var f. 18-3 1858, d. 20-8 1933, gift 1) 1889 med Ingeborg Njærheim, f. 31-12 1868, d. 3-11 1892 (Njærheim 117.), gift 2) 25-1 1895 med Anna Regina Bø, f. 27-8 1867, d. på Pollestad (sjå Bø 87. 4.). — Elias kjøpte halve farsgarden, bnr. 9, i 1885 for 1400 kroner + halv følge til foreldra og broren Jakob. Han hadde fare til sjøs i ungdommen og var ein lystig krabat heile sitt liv. Han fekk 2 barn i første gifte og 9 i andre:

1. Abraham Nærland, f. 27-3 1889 (58.).
2. Guri, f. 28-9 1890, d. 1-1 1891.
3. Ingeborg Gurine, f. 6-8 1895, d. 24-4 1912.
4. Rasmus, f. 1-1 1897, d. 10-1 s. å.
5. Rakel, f. 1-2 1898. Bur på Pollestad, ugift.
6. Guri, f. 23-12 1899, ugift.
7. Rasmus, f. 12-8 1901. Reist til Amerika.
8. Elias, f. 9-1 1904, død i Amerika.
9. Arne Rasin, f. 7-10 1905, d. 27-3 1933, gift med Sigrid Slethei.
10. Karen, f. 30-7 1907, gift med Valin Svensen, f. i Buksnes, Lofoten, 6-9 1902. Bur på Pollestad.
11. Eli, f. 1-3 1910.

49. Ola Abrahamson, bror til 48., var f. 21-2 1866, d. 19-3 1891. Gift 1891 med

Margreta Haugland, fødd i Time 8-2 1869, dotter til Nils Nilsson Haugland i Time og kona Anna Ole-Johannesdtr. frå Tegle. Ole kjøpte den andre halvparten av farsgarden, bnr. 7 av faren i 1885 for 1400 kroner og halv følge til foreldra og broren Jakob. Han var barnlaus, og garden gjekk tilbake til faren. — Enkja seinare gift med lærar og klokkar i Orre, Johannes Kvilekval.

50. Palle Ellingson Høyland (Høyl. 102. 6.) fødd 6-11 1862. Gift 19-4 1888 med enkja etter Ole Gitleson, Johanna Berntsdtr. — Palle tok over bnr. 1 etter Ole Gitleson. Dei fekk 4 barn:

1. Ole P. Nærland, f. 13-5 1889 (59.).
2. Elling Nærland, f. 13-12 1890. — Byarkitekt i Stavanger, ugift.
3. Bernt P. Nærland, f. 1-2 1893, gift med Helga Øvestad. — Bur på Austrått i Høyland.
4. Astrid Nærland, f. 3-6 1895, gift 1-7 1922 med Ole Gudmestad (Gudmestad 47. 4.).

51. Jakob Hansteen Nærland, bror til 49., fødd 9-7 1868, død 21-8 1945. Gift 2-11 1906 med Jorina Torland, fødd 8-7 1877, død 13-8 1966 (Torland 70. 1.). Jakob tok over bnr. 7 etter broren Ola. Dei fekk 8 barn:

1. Guri, f. 18-8 1908, d. 15-4 1910.
2. Arne Nærland, f. 21-1 1910 (63.).
3. Guri, f. 30-8 1911, d. 25-11 1913.
4. Justi Nærland, f. 25-7 1913, gift 13-2 1948 m. Paul Bjarne Hofve, Eigersund.
5. Per J. Nærland, f. 19-4 1915 (62.).
6. Guri Nærland, f. 10-12 1916.
7. Ingeborg Nærland, f. 16-4 1918.
8. Torstein Nærland, f. 19-7 1919 (65.).

52. Elling Eliasson, son til 44., fødd 29-9 1877, død 5-1 1959, gift 13-5 1899 med Grete Malena Tunheim, f. 23-12 1876, d. 2-12 1943, dotter til Aksel Olson Tunheim og kona Berta Jorina Pedersdtr. Han tok over bnr. 4 etter foreldra. — Har hatt 10 barn:

1. Berta Jorina, f. 10-5 1900.
2. Elias, f. 11-8 1901. Reist til Amerika.
3. Aksel, f. 11-1 1904. Amerika.
4. Eivind, f. 8-10 1906, gift med Frida Rønneseth.
5. Einar Magnus, f. 3-10 1908. Amerika.
6. Borghild, f. 1-8 1910, gift med bakar Hans Jakob Svenson Skår i Koparvik.
7. Alf Nærland, f. 15-11 1912, gift 9-7 1939 med Tora T. Kvia, f. 23-11 1914. Brukar farsgarden på Nærland (65.).

8. Borgny, f. 2-1 1915, gift 19-12 1949 m. Kornelius Svindland, Flekkefjord.
9. Gustav, f. 25-5 1917, d. 25-12 1943.
10. Malena, f. 26-11 1921, g. 1945 m. Fritz Pungar, Brandenburg, Tyskland.
53. Torger Torgerson Nærland, son til 43., var f. 3-2 1865, d. 1953, gift 4-1 1901 med Ingeborg Steinsland, f. i Time 27-8 1871, d. 5-8 1959, dotter til Nils Nilsson Steinsland frå Kverneland og kona, Marta Maria Gunnarsdtr., frå Åsland. Torger tok over farsgården, bnr. 3. Dei fekk 4 barn:
1. Torgeir Nærland, f. 12-7 1905, gift 13-6 1931 med Sigfrid Håland, f. i Høyland 22-7 1904. Bur i Askim.
 2. Oline, f. 7-7 1903, d. 8-12 1934.
 3. Nils Nærland, f. 10-10 1907, gift 7-9 1935 m. Aslaug Obrestad, f. 3-11 1907. Brukar farsgården på Nærland (Obrestad 42. 1.).
 4. Marta Maria, f. 30-8 1909, gift 10-8 1941 med lærar Ragnvald Hidle.
54. Enok Nærland (46. 1.), f. 29-7 1883, gift 29-11 1913 med Perua Lovise Birkeland, f. i Flekkefjord 15-4 1887, d. 17-10 1967, dotter til Andreas og Anna Mathea Birkeland. Enok tok over halve farsgården, bnr. 2, etter mora i 1912. Dei hadde 10 barn*
1. Gullbjørg, f. 15-9 1914, gift 1937 med Sigurd I. Løge, Bryne.
 2. Tjøl Nærland, f. 24-6 1916 (70.).
 3. Målfrid, f. 1-10 1917, gift 21-7 1945 med Bernt Thomas Owren, f. i Fåberg 1914, ingeniør, busett i Hetland.
 4. Arnljot Nærland, f. 29-8 1919.
 5. Erling Nærland, f. 25-4 1921 (71.).
 6. Liv, f. 22-2 1923, gift 20-7 1946 med Hans Hurden frå Alesund.
 7. Øystein Nærland, f. 14-6 1925, gift 1951 med Hjørdis Jonsdtr Steinsland, Time, f. 14-6 1930.
 8. Ruth, f. 10-9 1927, gift 1951 med Olav Einervoll.
 9. Bjørg, f. 29-9 1928, gift 1951 med Johannes G. (Lode 83. 9.).
 10. Alfhild, f. 17-2 1932, gift med Hans Jonson Kvasheim, Ognå.
55. Tønnes Nærland (46. 2.), fødd 21-3 1885, død 2-3 1967. Gift 1) 8-5 1913 med Brita Leth, f. i Kvam, Hardanger 1889, d. 18-5 1916, dotter til Johannes og Anna Leth, gift 2) 2-6 1918 med Maria Leth, f. 26-3 1891, syster til Brita. Tønnes tok over andre halve farsgården, bnr. 11, i 1912. 2 barn i første gifte og 5 i andre:
1. Gurine, f. 16-1 1914, gift 1942 med Martin Andreas Berntsen, målarmeister i Bergen.
 2. Torolf Nærland, f. 27-6 1916, gift med Ragna Varhaug (Reiestad 53. 3.). — Bonde i Stokke i Vestfold.
 3. Bjarne Nærland, f. 29-3 1919, gift med Margit F. Haugland (Varhaug 38. 6.).
 4. Johannes Nærland, f. 12-5 1921 (72.).
 5. Arne T. Nærland, f. 20-4 1926 (69.).
 6. Anna, f. 19-12 1927, gift med Hans Christian Skjæveland, Eigersund.
 7. Inger Johanna, f. 31-7 1929, gift med Per Grindheim, Oslo.
56. Erik Nærland, son til 47. Fødd 1-10 1885, død 8-1 1967, gift 1) 27-10 1917 med Gerda Høyland, fødd 10-2 1895, død 6-10 1926 (Høyland 137. 11.), gift 2) 1930 med Anna Enoksdotter Ueland i Ognå, fødd 12-4 1905, dotter til Enok Olson Ueland og kona Siri Svalesdtr. Erik tok over farsgården, bnr. 6, Han har ikkje barn, men ein adoptivson, son til andre kona: — Aksel Nærland, f. i Ognå 12-1 1925, gift 1950 med Anna Hebnes, f. 30-9 1927. Dei brukar nå garden.
57. Elling T. Nærland, bror til 56., er f. 9-4 1888, gift 15-10 1910 med Berta Amalia Nærland, f. 8-2 1888 (46. 3.). Elling tok over bnr. 5 etter morbroren Eivind Ellingson (41.). Dei er barnlause.
58. Abraham Eliasson Nærland, son til 48., er fødd 27-3 1889, d. 22-1 1967, gift 27-10 1918 med Maria Njærheim, f. 31-5 1890 (Njærheim 131. 6.). Abraham tok over halve farsgården, bnr. 9. Dei har 5 barn:
1. Eivind A. Nærland, f. 28-2 1920, gift 15-3 1947 med Regina Lode, f. i Varhaug (sjå Lerbrek 48. 6.) (67.). Han brukar bnr. 9.
 2. Asser Nærland, f. 6-9 1921, gift 1947 med Klara Tveitane frå Suldal. Bur på Sandeid.
 3. Ivar Nærland, f. 17-12 1923, gift med Bergit Vigre. Bur på Nærbø.
 4. Ranveig Nærland, f. 21-11 1925, gift m. Trygve Kvia, Vigre. Bur på Nærbø.
 5. Albert Nærland, f. 23-8 1928, gift 21-9 1957 med Aud-Berit Larsen (Nærbø 196. 1.).
59. Ole Palleson Nærland, son til 50., f. 13-5 1889. Gift 1919 med Henriette Dahl, fødd i Velfjord 16-12 1890, — dotter til sokneprest og provst Søren Dahl i Haa og kona Karen fødd Rustad. Henriette død 12-6 1962. — Ole P. Nærland brukte farsgården, bnr. 1. Dei hadde 5 barn:
1. Johanna Nærland, f. 29-10 1920.

2. Karen Rustad Nærland, f. 30-10 1921, g. m. Torkel S. Lode (sjå Lode 82. 8.).
3. Per O. Nærland, f. 25-4 1923, gift 16-7 1949 med Gerd Judith Øgrei. Brukar farsgarden.
4. Søren Dahl Nærland, f. 20-9 1924, gift 8-9 1951 med Marta Maria Anda. Bur på Anda i Klepp.
5. Olaf Nærland, f. 31-3 1926. — Bur i Kristiansand S.
60. Arne E. Nærland, son til 48., fødd 7-10 1905, død 27-3 1933. — Gift med Sigrid Slethei, fødd i Time. — Arne Rasin Nærland tok over ein part av farsgarden, bnr. 21, i 1930. Dei fekk ein son:
1. Elias A. Nærland, f. 30-4 1927, gift med Beate Folkvor.
- Då Arne var død vart garden seld til Hans O. Njærheim.
61. Hans O. Njærheim (Njærheim 136. 2.), fødd 8-1 1901. Han kjøpte bnr. 21 av enkja Sigrid Nærland i 1933.
62. Per J. Nærland, son til 51., fødd 19-4 1915. Gift 1942 med Olaug Holen, fødd i Sola 29-7 1919, dotter til Halvar og Olina Holen. Per Jakobson tok bnr. 21 etter odelsloven frå Hans O. Njærheim i 1936. Dei har ikkje barn.
63. Arne J. Nærland, bror til 62., f. 21-1 1910. Han tok over bnr. 7 etter faren i 1938. Er ikkje gift. Broren Torstein Nærland brukar garden. Han er fødd 19-7 1919. Gift 27-4 1946 med Grete Haldis Eia, fødd i Sokndal.
64. Nils T. Nærland, son til 53., f. 10-10 1907. Gift 7-9 1935 m. Aslaug Obrestad, f. 3-11 1907 (Obrestad 42. 1.). Nils Nærland tok over farsgarden, bnr. 3 i 1936. Barn:
1. Torgeir Nærland, f. 28-8 1936, gift 21-3 1959 med Eldbjørg Solfrid Bore.
2. Gunvor Nærland, f. 7-1 1943, gift 1967 med Thore Refve, Klepp.
3. Ingunn Nærland, f. 24-2 1946.
4. Rune Nærland, f. 19-2 1950, død.
65. Alf E. Nærland, son til 52., f. 15-11 1912, d. 2-4 1965. Gift 9-7 1939 med Tora Kvia, f. 23-11 1914 (Skjærpe 52. 4.). Alf tok over farsgarden, bnr. 4 i 1939. Barn:
1. Eileiv Nærland, f. 6-2 1940, gift med Berit Omland, Ogna.
2. Terje Nærland, f. 29-9 1941, gift med Else Håland, Varhaug.
3. Åge Nærland, f. 5-8 1943.
4. Gustav Nærland, f. 7-3 1945.
5. Marit Nærland, f. 3-12 1946.
6. Ståle, f. 15-11 1953.
7. Liv-Gro, f. 6-8 1956.
66. Aksel Nærland, sjå nr. 56, fødd i Eigersund 12-1 1925. Gift 1950 med Anna Hebnes, fødd 30-9 1927, dotter til Teodor og Sigrid Hebnes. — Aksel Nærland tok over bnr. 6 etter Erik T. Nærland i 1952.
67. Eivind A. Nærland, son til 58., fødd 28-2 1920. Gift 15-3 1947 med Regina Lode, fødd i Varhaug 22-2 1922 (sjå Lerbrek, Varhaug 48. 6.). Eivind Nærland tok over bnr. 9 etter faren i 1960. Barn:
1. Arvid Nærland, gift 1968 med Dagmar Elin Paulsen.
68. Per O. Nærland, fødd 25-4 1923. Gift 16-7 1949 med Gerd-Judith Øgrei.
69. Arne T. Nærland, son til 55., f. 20-4 1926. Gift med Ragna Reime, f. 20-4 1928 (Skjærpe 51. 6.). — Arne tok over bnr. 5 etter Elling T. Nærland i 1960.
70. Tjøl E. Nærland, son til 54., fødd 24-6 1916. Gift 20-12 1941 med Taletta Kolnes. Barn:
1. Else Nærland, f. 1941, gift 1967 med Gregorus Røv.
2. Gerd Nærland, f. 1943, gift med Knut Karlsen, Klepp.
71. Erling Nærland (54. 3.), f. 25-4 1921, gift med Mary Garborg, f. 9-1 1933. Tok over bnr. 2.

G.nr. 8. Njærheim

Uttalast lokalt Njærei. Namnet kjem av gudenamnet Njörd. Njördarheimr. Stave-måten har vore: 1563 Nerem, 1567 Nerem, 1610 Nerimta, 1616 Nierimb, og Nerimb, 1668 Nerimb, 1723 Nærim. Njærheim hadde ei korn landskuld på 7 pund, den høgste skulda som var på noken gard i Haugland, Kvia og Valle skipreider. Bø prestebol åtte 1 pund, Njærheim kyrkja åtte 2 pund, Bispestolen i Kristiansand åtte IV₂ pund, Svanenhjelm åtte IV₂ pund og presten Ludvig Schultz V₂ pund. Svanenhjelm åtte endå y₂ pund = ialt 7 pund. — På Njærheim stod kyrkja i Nærem sokn. Garden var overlag rik på naturherlegdomar. — Jorda var av beste slag med store Næsjar langs Haa-åno der det var rik grasvokster. Dessutan var der laksefiske og perlefiske som gav gode innkomer. At dette ikkje alltid har vore berre til det gode syner Tingbøkene og Rettsprotokollane. Der var mest jamt trette og usemje om både det eine og det andre. Og det har halde på heilt fram til våre dagar. Ofte var prestane innblanda i trettene, helst når det gjaldt laksefisket.

NAMNEREGISTER

1. Orm Njærheim
2. Omund Njærheim
3. Sjur Njærheim
4. Thord Njærheim
5. Oluff Njærheim
6. Powl Njærheim
7. Berulv Njærheim
8. Roald Njærheim
9. Herleik Njærheim
10. Lafrits Njærheim
11. Halvdan Njærheim
12. Peder Njærheim
13. Gunnar Njærheim
14. Peder Børildson
- 14B. Endre Pederson
15. Peder Gunnarson
16. Askild Njærheim
17. Knut Njærheim
18. Jon Torsteinson
19. Olluff Njærheim
20. Jon Njærheim
21. Ivar Njærheim
22. Gregorius Askildson
23. Peder Olson Njærheim
24. Ingrid Klemmentsdtr.
25. Lars Toreson Njærheim
26. Oluff Pederson
27. Knut Jonson
28. Omund Olson
29. Kristen Olson Vigre
30. Ola Omundson
31. Knut Øybrandson
32. Botolv Olson
33. Salomon Knutson
34. Ola Taraldson
35. Laurits Eivindson
36. Torgier Jonson
37. Torgier Asbjørnson
38. Halvard Larsson Skeie
39. Asbjørn Antoniusson Vigre
40. Peder Olson
41. Dagfinn Hansson Undheim
42. Åsmund Tolleivson Kvasheim
43. Frede Knutson Njærheim
44. Ola Monsson
45. Ola Tørresson
46. Ola Jonson Njærheim
47. Peder Helgeson Vigre
48. Johannes Olson Nærland
49. Lars Olson (Reiestad)
50. Tore Rasmusson
51. Ivar Erikson Bjorland
52. Jakob Nilsson
53. Jakob Erikson Lode
54. Elling Samuelson Mæland
55. Hans Hansson
56. Albret Albretson Høyland
57. Hans Dagfinnson

- | | |
|-------------------------------|-------------------------------------|
| 58. Erik Olson Efstad | 118. Olaus Olson (Gausland) |
| 59. Otto Albretson Høyland | 119. Hans Hansson (?) |
| 60. Hans Olson (Nor Varhaug) | 120. Tønnes Ellingson Bratland |
| 61. Peder Helgeson Opstad | 121. Ingebret Olson Kongvaren |
| 62. Hans Salomonson Næsheim | 122. Ola Jonson Njærheim |
| 62B. Nils Andersson | 123. Asbjørn Ellingson Rugland |
| 63. Johannes Larsson | 124. Bård Johannesson Risvoll |
| 64. Simon Jonson Bø | 125. Elias Kristianson Kydland |
| 65. Omund Olson Reiestad | 126. Abraham Gabrielson Rimestad |
| 66. Rasmus Olson (Håland?) | 127. Abraham Abrahamson Høyland |
| 67. Rasmus Pederson Bratland | 128. Ola Eliasson Reime |
| 68. Rasmus Gunnarson Garborg | 129. Ingebret Jakobson |
| 69. Lars Torgierson | 130. Lars Svenson Løge |
| 70. Gitle Omundson Lode | 131. Andreas Olson Høyland |
| 71. Salomon Hansson | 132. Kornelius Tobiasson Kvia |
| 72. Peder Tollakson | 133. Andreas Pederson |
| 73. Peder Aslakson Aaen | 134. Ole Ingebretson Kongvaren |
| 74. Ola Hansson Njærheim | 135. Torger Tønnesson Salte |
| 75. Rasmus Olson (?) | 136. Ole Andreas Halvardson Høyland |
| 76. Ola Rasmusson Nor Varhaug | 137. Nils Hansson Njærheim |
| 77. Rasmus Gitleson Varhaug | 138. Lars Larsson Brekken |
| 78. Peder Einarson Anestad | 139. Karl Larsson Brekken |
| 79. Jakob Halvardson | 140. Betuel Larsson Håland |
| 80. Hans Olson Njærheim | 141. Elling Pederson Søyland |
| 81. Knut Hansson Varhaug | 142. Abraham Abrahamson |
| 82. Asbjørn Josefson Haugland | 143. Andreas Andreasson |
| 83. Jon Simonson | 144. Adolf Halvardson Høyland |
| 84. Asbjørn Simonson | 145. Kristofer Tolleivson Hadland |
| 85. Asbjørn Asbjørnson | 146. Omund Johan Mellemstrand |
| 86. Omund Halvardson Fosse | 147. Torger T. Gudmestad |
| 87. Gunnar Rasmusson | 148. Peder Olson Njærheim |
| 88. Ola Gitleson Njærheim | 149. Jakob Ingbretson |
| 89. Hans Pederson (Bore?) | 150. Hans H. Njærheim |
| 90. Ingebret Rasmusson | 151. Hans N. Njærheim |
| 91. Gunnar Olson Bø | 152. Matheus M. Moi |
| 92. Halvard Omundson | 153. Ragnvald Hidle |
| 93. Johannes Asbjørnson | 154. Arne A. Njærheim |
| 94. Nils Hansson Njærheim | 155. Halvar, Svein, Odd Njærheim |
| 95. Andreas Hansson | 156. Laurits L. Njærheim |
| 96. Rasmus Gunnarson | 157. Karsten K. Njærheim |
| 97. Gitle Gunnarson | 158. Ola Mellemstrand |
| 98. Gitle Rasmusson | 159. Sigurd Mellemstrand |
| 99. Maurits Nilsson Ueland | 160. Peder E. Njærheim |
| 100. Jon Olson Bjorland | 161. Leiv Håland |
| 101. Abraham Ingebretson | 162. Olav O. I. Njærheim |
| 102. Simon Asbjørnson | 163. Gunvald Salte |
| 103. Asbjørn Johannesson | 164. Torleif A. Njærheim |
| 104. Ole Johannes Jonson | 165. Kristian A. Høyland |
| 105. Gitle Olson | 166. Jakob Gudmestad |
| 106. Peder Pederson Tvihaug | 167. Torger T. Salte |
| 107. Gunnar Gitleson | 168. Olav Olseth |
| 108. Omund Omundson Rimestad | 169. Ragnar Kvitvær |
| 109. Rasmus Ingebretson | 170. Trygve K. Njærheim |
| 110. Hans Nilsson Njærheim | 171. Hølger Heiberg |
| 111. Rasmus Gitleson | 172. Karsten Heiberg |
| 112. Jakob Torgerson | 173. Toralf Gudmestad |
| 113. Johannes Abrahamson | 174. Anton A. Høyland |
| 114. Hans Omundson Rimestad | 175. Johan Kvitvær |
| 115. Jon Kristianson Kydland | 176. Agnes Njærheim |
| 116. Johannes Gunnarson Line | 177. Ingebret Fjogstad |
| 117. Salomon Toreson Salte | 178. Tobias Skretting |

1. **Orm** er nemnd på Njærheim i 1519.
2. **Omund** nemnd 1519.
3. **Sjur** nemnd 1519.
4. **Thord** nemnd 1519.
5. **Oluff** nemnd 1563. Han skatta 1 dalar.
6. **Powl** skatta 1 dalar i 1563.
7. **Berulv** skatta 1 dalar i 1563.
8. **Roald** skatta $\frac{1}{2}$ dalar i 1563. Han åtte 1 vett korn.
9. **Herleik** nemnd i 1521.
10. **Lafrits** nemnd i 1521.
11. **Halvdan** eller **Halvard** nemnd i 1521.
12. **Peder** nemnd 1602/03.
13. **Gunnar** nemnd 1602/03.
14. **Peder Børildson** nemnd i 1603/13.
- 14B. **Endre Pederson S-Tjemsland** 7. — (Tingbok side 44.)
15. **Peder Gunnarson** nemnd 1603/13.
16. **Askild Njærheim** er nemnd i 1603. — Den 26. januar 1619 på Hauglands skipreide-ting er innført i protokollen: — "Skafferinn Askill Nerrimb bekjendte her for Retten, att hannd haffde logligenn thillsagdt Olluff Hougland, Mogens Rimmestad, Giettleff Grødimb, Peder ibm., Arnne Grødimb och Suennd ibm. att farre vdi schydszferd med velbiurdige Gabriell Kruzse sellf med schydzhester, saa vell som och att roe thill søes med hans velbiurdighieds baad, och di icke framkom efftersom der var tillsagtt. Saa møtte forne mennd och dennem her emod icke logligenn erklerre eller vnndschylle kunde. Bleff derfor aff Niels Høgh, Lauritsz Kiolland, Iffuer Faas, Olluff Viig, Tholluff Hognnestad, Therkill Garborgh och Christopher Lille Vnimb saa for Rette affsagt, att forne mennd huer for sig for saadan dieris forseellse och vlydighied bøde kong: mays: ij marker søllff inden monitsdag her epter att be-taille, eller haffue dett i minde." Askild sin son var truleg Gregorius Njærheim (22.).

17. **Knut Njærheim**, nemnd 1623. — Frå Stavanger Lagting for Hauglands skipreide: "OHuff och Knud Nerimb profuede Gunduord Ods datters ord, att den thid hindis fader for 23 aar siden boede paa Lode, da slog hand det første aar offuen for Nesien en liden stack" Utdrag or ei rettsak mellom Håland og Lode om slätterrett på Lode-Ronga.

18. **Jon Torsteinson Njærheim** var tilsagd å vera skaffar i 1618.

19. **Olluff Njærheim**. I 1623 måtte Jon Undheim sona-Jor han hadde "slågen Olluff Nerimbs quinde med en hanstøffuer udj handen, och bröstet sin døll som hand var tillfunden sithollendes fierings thiig, och gaff til kong: mayzt: $\frac{1}{2}$ dir." — Han yar kanskje den Olle Bodelsøn paa Nerimb som var domsmann i 1624. Hans barn var då: Botholv Njærheim (32.), Lars Åse og Malena, gift med enkjem. Peder Olson Haugstad. (Haugstad, Varhaug 11.)

20. **Jon Njærheim** er nemnd i 1613, — kanskje den same som 18.

21. **Ivar Njærheim** er nemnd 1613 og 1619.

22. **Gregorius Askildson** var truleg son til nr. 16. Han er nemnd i 1645 og 1665. I 1642 hadde Isak Nærland stemnt Gregorius Nerim for han skulle ha teke bort ein stein på "hans Goedmoders graff på Nerimz Kierchegard" og som dei hadde funne liggjande for døra hans. Gregorius sa han visste ikkje korleis steinen var komen der. I 1672 hadde Salomon Njærheim stemnt Gregorius ibm. for han hadde skjeldt han for ein horeson og for han hadde slege sund døra hans. (Sjå Tingbok I side 67 og 221.) Gregorius var fødd kring 1602, og der var skifte etter han 15-12 1673. Han var gift med Åsa Torkelsdotter Skretting (sjå der 10. 4.). Barn:

1. Samuel Mæland i Varhaug (sjå der 7.).
2. Torkel Gudmestad (Gudmestad 10.).
3. Kristen Skretting (Skretting, Varhaug 19.).
4. Anna, gift med Kristen Endreson Mæland (Mæland 18B.).
5. Gitlaug, gift med Sven Tørreson Taksdal i Time.
6. Torborg, gift med Tore Larsson Matingsdal i Ogna.
7. Guri, gift m. Tolleiv Rasmusson Kvasheim i Ogna.

Enkja Åsa Torkelsdtr. gift 2) med Asbjørn Antoniusson (39.).

23. Peder Olson Njærheim var gift og budde på Njærheim i 1645?

24. Ingrid Klementsdotter var enkje på Njærheim i 1645?

25. Lars Toreson Njærheim er og nemnd i 1645.

26. Oluff Pederson Njærheim er nemnd i 1645. Ingen av desse veit eg meir om. Oluff hadde visst ein son:

Ola Olson Salte, gift med enkja etter Elling Frantsson, Malena Torkelsdr. Store Salte.

27. Knut Jonson er nemnd 1645 og 1665, kanskje son til 18. eller 20. Han var fødd kring 1617, gift med Guri Simonsdotter, som døde i 1676, skifte 22-9. Knut brukte 1 pund. Han hadde 6 barn, då skifte etter Guri var halde. Dei var:

1. Ola.
2. Erik.
3. Jon.
4. Anna, gift m. Øystein Olson Næsheim (Næsheim 28.).
5. Marit, — gift med Asbjørn Tørresson Skretting (Skretting 18.).
6. Dorthea.

Knut hadde 2 systre: Joron, gift med Omund Olson (28.) og Berit, g. i Bergen.

28. Omund Olson, nemnd 1645 og 1665, fødd kring 1603, brukte 16 spand. Der var skifte etter han 12-7 1669. — Kona heitte Joron Jonsdotter og var syster til 27. Dei var barnlause, og berre ei syster, Guri Håland, var arving. Enkja gifta seg att med Kristen Olson. I 1643 var Omund Njærheim stemnd for slagsmål og måtte bøta ei mark sylv.

29. Kristen Olson Vigre (Vigre 12.). Han er nemnd på Njærheim i 1645, men ikkje i 1665, endå han måtte levda, for der var skifte etter han 15-5 1671. Han var gift med enkja etter 28., Joron Jonsdr. — Den 16-9 1675 var tinglyst "Christen Olsen Nerimbs och hans intereserede deres kjøbebreff paa y2 pund udj Høyland", datert Tjore 27-1 1635. Han var barnlaus, og far hans, Ola Vigre, er nemnd som arving. Enkja gifta seg ennå ein gong (sjå 33.).

30. Ola Omundson er nemnd på Njærheim i 1645, då han brukte 8 spand. Eg veit ikkje meir om han.

31. Knut Øybrandson var på Njærheim i 1665, 52 år, og der var skifte etter han

15-12 1673. Kona heitte Eldrid Eivindsdr. Han brukte 1 pund. Både eg og andre har vore av den meining at han var halvbror til Jon Nærland, men noko som kan prova dette fullvisst har eg ikkje funne. 5 barn er nemnde:

1. Salomon Knutson Njærheim (33.).
2. Frede Njærheim (43.).
3. Mikkel, f. 1659.
4. Johannes, f. 1664.
5. Ingeborg Knutsdr.

32. Botolv Olson var truleg son til 19. Han var 47 år i 1665 og brukte i y2 pund. Han var bror eller halvbror til Laurits Aase, Herborg Njærheim, Torborg Orre og Malena Haugstad. Det er uvisst kven han var gift med, men 4 søner er nemnde i 1665, og dessutan veit me om ei dotter:

1. Ola Bottolvson, f. 1655.
2. Asbjørn Botolvson Rimestad (sjå der 12.).
3. Elling, f. 1659.
4. Kristen, f. 1664.
5. Ingrid Botolvdr., gift 1) med Peder Olson Njærheim (40.), gift 2) med Dagfinn Hansson Njærheim (41.), gift 3) med Åsmund Tolleivson Njærheim (42.).

33. Salomon Knutson, son til 31., brukte 1 pund som Bø prestebol åtte. Han var 51 år i 1701, gift med enkja etter 29., Joron Jonsdotter, som der var skifte etter 1-3 1676. Etter Joron vart han visst gift med ei Berit. — I 1672 hadde Salomon stemnt Gregorius Njærheim for han hadde skjellt han for horunge og slege sund døra hans. (Sjå Tingbok I side 221, og skifte bok I, nr. 1864.) Salomon hadde ikkje barn.

34. Ola Taraldson brukte 1 pund i 1665. Han var 40 år, og hadde ein son: Laurits Olson, fødd kring 1662. I Tingbok II er nemnd ein Ole Thoresen Nerim (side 167) og i 1701 er Ole Tørresson Njærheim 80 år. Kanskje desse er ein og den same. Kona er ikkje nemnd.

35. Laurits Eivindson brukte 18 spand i Njærheim i 1665. Han var då 40 år. Saman med han er nemnd Einar Åsmundson eller Omundson, 20 år og kalla husmann. — Laurits var gift med Herborg Botolvdr. som var syster (halvsyster) til 32. — Der har-truleg butt ein eldre Botolv på Njærheim, som Botolv Olson var kalla opp etter. Det ligg nær å tru at mora har vore den enkja Ingrid Klementsdr. som er nemnd i 1645. Der var

skifte etter Herborg 25-2 1668. Laurits og Herborg hadde ikkje barn, men Herborg hadde hatt 3 søner i eit tidlegare gifte "som vare uttagen til kongens tieneste og antoges at være døde". Der står ikkje kva dei eller faren heitte. — Etter Herborg gifta Laurits seg med Anna Snaresdotter (sjå Høyland 13.), og då Laurits var død, gifta ho seg med Halvard Larsson (38.). Barn er ikkje nemnde.

36. **Torgier Jonson** er nemnd 1665, 37 år. Han hadde ein son, Ola Torgierson, 2 år i 1665. Torgier Jonson må ha døytt det året.

37. **Torgier Asbjørnson**, gift m. enkja etter 36., og hadde styksonen Ola Torgierson. Me får ikkje vita kva kona heitte, og der er ikkje funne skifte etter korkje henne eller mennene hennar. Torgier Asbjørnson brukte 18 spand og i 1693 er nemnd ei enkje, Berit Eriksdr. Kanskje var ho enkja etter Torgier.

38. **Halvar Larsson** var son til Lars Halvarson Skeie, som var halvbror til Johannes Arneson Gudmestad og Gjøa Bjorhaug. Han var fødd kring 1661, og var død før 1735. Budde på Njærheim i 1701. Brukte 1 pund i 1723, Svanhjeml 6 sp. og Njærheim Kyrkje 18 sp. I 1689 vart han gift med enkja etter Laurits Eivindson (35.), Anna Snaresdr., og fekk då byksla dei 18 sp. kyrkjegods av bispem i Kristiansand, som Laurits Eivindson hadde brukt. Anna døde i 1691, og Halvard gifta seg att visstnok 3 gonger. Den andre kona veit me ikkje namn på, men den 3dje heitte Inger Pedersdr. Ho døyde i 1721, skifte 9-3. Den siste kona heitte Berit Larsdr. Ho var til huse hjå Rasmus Gunnarson Njærheim i 1758, 69 år. — Halvar hadde ikkje barn i Iste gifte, men 3 i 2dre, 2 i 3dje og 3 i 4de gifte:

1. Lars var utanlands i 1735, truleg død før 1763.
2. Berit.
3. Kirsten, begge tente i Drammen i 1735.
4. Peder.
5. Jens, begge utanlands i 1735, ikkje nemnde sidan.
6. Inger, f. 1726, tente på Næsheim i 1758, ugift i 1763.
7. Anna, f. 1728, tente på Nærland i 1758.
8. Kari, f. 1730, tente på Høyland i 1758.

39. **Asbjørn Antoniusson** var son til Antonius Knutson Vigre (Vigre 10. 3.). — Han var fødd kring 1652, gift med enkja

etter Gregorius Askildson (22.) Aasa Tor-kelsdr. som der var skifte etter 19-1 1693. Etter henne gifta han seg med enkja etter Peder Vigrestad, Karen Håvardsdtr. frå Friestad i Ogna, og flytte til Vigrestad. Ikkje barn.

40. Peder Olson var der skifte etter 15-3 1693. Han var gift med Ingeborg. (Ho heitte nok Ingeri Botolvsdr.) Peder var bror til Ola Olson Salte. — Dei fekk ei dotter: Marit.

41. **Dagfinn Hansson Undheim**, son til Hans Sigvardson Litle Undheim i Time og kona Siri Mikkelsdr. frå Frøyland. Hans døde alt i 1698, skifte etter han 20-9 det året. Han hadde gifta seg med enkja etter Peder Olson, Ingrid Botolvsdotter. Dei hadde 2 barn:

1. Hans Dagfinnson Njærheim, f. 1696 (nr. 57).
 2. Peder Dagfinnson, f. 1698.
- Dessutan stykdottera: Marit Pedersdr.

42. **Åsmund Tolleivson Kvasheim**, son til Tolleiv Rasmusson og Guri Gregoriusdr. Kvasheim (sjå Njærheim 22. 7.). Åsmund var fødd kring 1687, død 1714, skifte 12-10. Han var gift med enkja etter Dagfinn Hansson, Ingrid Botolvsdotter. Dei fekk 2 barn:

1. Dagfinn Åsmundson, f. 1704.
2. Anna Åsmundsdr., f. 1706, gift 1) med Hans Olson Høyland, gift 2) med Tore Toreson Høyland (sjå Høyland 34. og 35.).

43. **Frede Knutson Njærheim**, son til 31., fødd kring 1662, død 1700, skifte 2-12 det året. Gift med Malena Dagfinnsdr. Undheim, halvsystem til Dagfinn Hanson (41.) og dotter til Dagfinn Alvson Undheim frå Risa (Risa 6. 1.) og andre kona, Siri Mikkelsdr. Frøyland. Det kan sjå ut som Frede hadde gifta seg att. Det var nemleg ikkje Frede som der var skifte etter i 1700, men Frede Nerimbs salig qvinde, Malena Daffinnsdotter. Ja, han var gift 2) med Ingeborg Rasmusdotter, system til Ola Rasmusson Store Håland (sjå der nr. 3). — Frede hadde 1 son i første og 1 i andre gifte:

1. Knut Fredeson, f. 1694.
2. Mikkal Fredeson, f. 1700, gift med Kirsten Håland i Varhaug (sjå Sør Varhaug 44.).

44. **Ola Monsson** er nemnd i 1670. Han var son til Mons Hinna og Kirsten Nilsdr. som der var skifte etter 20-10 1670. (Sjå Tingbok I side 221 og 277.)

45. **Ola Thørrsson** er nemnd i 1701, 80 år gammel. Han brukte 1 pund og hadde ein dreng, Hans Sivertson, som var fødd på Ånestad. Denne Ola var vel den same som 34.

46. **Ola Jonson Njærheim** og **Ola Monsson ibidem** er nemnde i eit stevnemål i 1677. (Sjå Tingbok 1 side 277.)

47. **Peder Heilgeson Vigre** (sjå Vigre 9. 1.), fødd kring 1654, død 1715, skifte etter han 21-11 det året, gift 1) med enkja etter Ola?, Turid Olsdotter. Ho var truleg syster til Knut Olson Garborg og Andreas Olson Risa (Risa 19.) og hadde kanskje fyrst vore gift med Ola Børildson (Risa 18.). Der var skifte etter henne 3-10 1713. Peder gift 2) med Anna Adnesdotter, med laugvæрге Tolleiv Årestad. Ho var dotter til Adne Asbjørnson Fuglestad i Bjerkreim, og Tolleiv Årestad var gift med syster hennar. Peder hadde ikkje barn.

48. **Johannes Olson Nærland** brukte 1 pund, var son til Ola Johannesson Nærland (Nærland 12.). Han var fødd kring 1661, skifte 8-3 1721, gift 1) med Siri, gift 2) med Kari Larsdotter Skeie, syster til Halvard Larsson (38.). — Johannes budde på Njærheim i 1696 og 1701. Han hadde ein son i første gifte og ei dotter i andre:

1. Lars Johannesson Kvasheim, f. 1693.
2. Siri Johannesdtr., gift med Johannes Larsson Njærheim (63.).

49. **Lars Olson** budde på Njærheim i 1701. Han var truleg son til Ola Larsson Reiestad i Varhaug (sjå der 9. 1.). Fødd kring 1660. Kona er ukjend, men han var kalla mostermann til Siri Johannesdtr. Njærheim (48. 2.), så ho måtte vore syster til Aasa Larsdtr. som var gift med Erik Olson Njærheim (58.). Lars Olson brukte 1 pund i 1723, som Svanenhielm og Ludvig Schultz åtte 12 spand kvar av. Han døde kring 1725. Skifte er ikkje funne, og barn er ikkje nemnde.

50. **Tore Rasmusson** brukte 1 pund i Njærheim i 1723, som Svanenhielm åtte. Han var gift med enkja etter Johannes Olson (48.), Kari Larsdtr. og var død før 1749. I 1738 gav han frå seg 1 pund til veronen, Johannes Larsson (63.). Det er uvisst kvar han var frå. Han var kalla Tore Nilsson i 1736. Ikkje barn.

51. **Ivar Erikson Bjorland** (sjå Bjorland 3. 7.). Han var fødd kring 1689, død 1739,

skifte etter han 23-11 det året. Gift 1) med Marit Bårdsdotter Gausland (Gausland 8. 2.), død 1738, gift 2) med Ingrid Olsdotter som var syskenbarn til Rasmus Svenson Ånestad. — Ivar brukte 1 pund etter Salomon Knutson (46.). Han hadde 5 barn i første gifte:

1. Guri Ivarsdtr., f. 1728.
2. Marit Ivarsdtr., f. 1730.
3. Guri Ivarsdtr. d. y., f. 1732, tente på Skrettingland i 1758.
4. Erik Ivarson Lode, f. 1735 (Lode 35.).
5. Marit Ivarsdtr. d. y., f. 1737, død før faren. Kvar enkja og dei andre barna vart av, veit me ikkje.

52. **Jakob Nilsson** brukte det 1 pund i Njærheim, som Ivar hadde brukt, i 1742, kanskje han var gift med enkja Ingrid Olsdtr. — I 1746 var Hans Salomonson komen på denne parten (nr. 62).

53. **Jakob Erikson Lode** (sjå Lode 16. 3.) byksla y² pund i Njærheim av Severin Svanenhielm i 1722 og y² pund av Ludvig Schultz i 1724. I 1741 er ein Jørgen Olson nemnd på denne parten, og etter han i 1742 er kaptein Dams nemnd der.

54. **Elling Samuelson** var son til Samuel Gregoriusson Mæland i Varhaug og sone-son til 22. Han var fødd kring 1680, og kom til Njærheim i 1702 og var der i 1718. Eg veit ikkje kven han var gift med, men ein son er nemnd: Samuel Ellingson, f. 1705 (sjå Næsheim 44.). Elling brukte 18 sp. i 1723, som Svanenhielm åtte 6 spand av og kyrkja 18 spand. Det var truleg det same som 38. hadde brukt. Vart seinare skift mellom Erik Olson og Hans Dagfinnson.

55. Hans Hansson kom til Njærheim i 1715. Han byksla 18 spand som bispestolen åtte, då han vart gift, men enkja etter Peder Helgeson, Anna Adnesdotter. Det er uvisst kvar han var frå. Han var fødd kring 1682 og levde i 1726. Barn er ikkje nemnd.

56. **Albret Albretson Høyland** (Høyland 26.), fødd kring 1701, gift 1) med enkja etter Hans Hansson, Anna Adnesdotter, som der var skifte etter 29-11 1748, gift 2) i Time 1749 med Marit Simonsdotter, truleg dotter til Simon Halvardson Mosse. Albret byksla dei 18 spand av bispestolen etter Hans Hansson. Han var på Njærheim i 1749, men så hadde han byksla 18 spand i Store Håland, som han let frå seg til Rasmus Olson i 1757 (sjå

Store Håland 9.). I 1758 var han komen til Sandnes.

57. **Hans Dagfinnson**, son til 41., var fødd kring 1696, skifte 1-2 1747. Gift med Berit Asbjørnsdtr. Skretting (Skretting, Varh. 18. 7.). Hans Dagfinnson brukte 18 spand bispegods som vel far hans hadde brukt. Han hadde berre ein son: Salomon Hansson (sjå Høyland 44.).

58. **Erik Olson Evestad** (sjå Efjestad 16. 1.), var fødd kring 1692, uvisst når han døde. Han var gift med Åsa Larsdotter Njærheim (49.). Dei var hjå versonen, Rasmus Pederson i 1758. Erik brukte 30 spand i 1749, Svanenhjelm åtte 6 spand og Njærheim kyrkja 1 pund. Me veit om 5 barn:

1. Herborg Eriksdtr., f. 1716, gift 1) med Asgaut Simonson Salte, gift 2) med Asbjørn Josefson Njærheim (82.).
2. Lars Erikson, gift i Stavanger 1759 med Karen Tønnesdtr. Dei budde i Stavanger.
3. Ola Erikson Varhaug, fødd 1717 (Sør Varhaug 42.).
4. Anna Eriksdtr., fødd 1728, gift med Rasmus Pederson (67.).
5. Malena Eriksdtr., fødd 1732, gift med Rasmus Gunnarson (68.).

59. **Otto Albretson Høyland**, bror til 56. (Høyland 26. 1.). Fødd kring 1688. Gift i Time i 1749 med Joron Bårdsdotter. I 1750 brukte han 1 pund i Njærheim, 18 spand bispegods og 6 spand som Paul von der Lippe stod for. Truleg har dette vore den parten som Hans Dagfinnson hadde brukt. Eg trur at Otto hadde vore gift før og at han hadde barn i første gifte, for i 1758 finn me ei Malena Ottesdtr. Njærheim, 19 år, og ein Otto Otteson som tenar på Høyland, 14 år gamal. Kan henda var og husmannen Frantz Otteson på Harveland i Håland son til Otto Njærheim. Malena Ottesdotter vart gift med Peder Einarson Njærheim (nr. 78).

60. **Hans Olson** brukte 12 spand i 1746/49, som kaptein Dams åtte. I 1750 brukte løytnant Bredahl desse 12 spand, og i 1758 Omund Olson. Hans var truleg son til Ola Hansson Nord-Varhaug (N.-V. 18. 4.). Han finst ikkje i mantallet i 1758 korkje i Nærbø eller Varhaug, så han må anten vera død eller bortreist før den tid. Han kunne vore gift med enkja etter Halvard Larsson, Berit Larsdtr. (38.?) (Tingbok VI side 190.)

61. **Peder Helgeson Opstad** (Opstad 23. 3.), var fødd kring 1694, gift 1) med Guri Olsdotter, som der var skifte etter 16-10 1716, gift 2) med Ranveig Eilevsdotter (Kvia 16. 2.), død før 1758. Peder hadde butt på Ueland (sjå der 16.). Kring 1742, då han byksla 1 pund kyrkjegods og 6 spand av Svanenhjelm sitt. Han hadde ei dotter i første gifte, og 4 barn i andre:

1. Malena Pedersdtr., f. 1715, gift med Torkel Olson Kvasheim.
2. Helge Pederson Fotland, tente på Nærland i 1758, gift i Time 1759 med Malena Mathiasdtr. Fotland. I Panteboka under 15-11 1757 finn me dette: — "Underbekræftede Helge Pedersen Nærem gjør vitterlig at have afhændet til Isach R. Stafnem min havende odels og løsningsrett til 8 spand i Ueland, som min fader, Peder Helgesen, haver ved skiøde solgt til bemelgte Isach R. Stafnem, og som han mig pengene haver betalt med 8 rdr."
3. Guri Pedersdtr., f. 1722, gift med Lars Torgerson Njærheim (69.).
4. Peder Pederson, f. 1725, gift med Ingeborg Gjermundsdr. Tvihaug. Budde på Ueland (sjå der 28.).
5. Eli Pedersdtr., f. 1736, var på Njærheim i 1758.

62. **Hans Salomonson**, son til Salomon Hansson Næsheim (sjå der 39.). Han var fødd kring 1702, gift med Eli Olsdotter Varhaug (N. V. 18. 1.). Hans byksla 1 pund i Njærheim av Sigvard Munch i 1743, og i 1751 fekk han skjøte på 12 spand av madam Paulus von der Lippe, for 12 riksdalar. Han brukte eller åtte ein part i Lerbrek samstundes med at han brukte Njærheim. Dette går fram av ei rettsak i 1743. Jau han brukte 1 pund i Lerbrek, som Ludvig Schultz åtte. (Sjå Tingbok VI side 16.) Dei flytte nok seinare til Stavanger, der 2 søner budde. Det er uvisst kor mange barn dei hadde. Me veit om 4 søner:

1. Ola Hansson Njærheim, f. 1739 (74.).
2. Salomon Hansson Njærheim, f. 1735 (71.).
3. Peder Hansson, f. 1741. Budde i Stavanger i 1771.
4. Hans Hansson, f. 1743, død i Stavanger 1779, gift med Guri Larsdtr., f. 1737, død 1808.

62B. **Nils Anderson** byksla 10 (16?) sp. i Njærheim i 1733 av Ludvig Schultz og Lauritz Smith, på livstid. Han er ikkje nemnd i Futerekneskapen, men i 1734 hadde Nils Njærheim stemnt Bård Gaus-

land for han hadde teke ein båt som Nils og Ivar Njærheim åtte. (Sjå Tingbok V side 52.)

63. Johannes Larsson brukte 1 pund etter Tore Rasmusson i 1742. Han var son til Lars Asbjørnson Rugland (Rugland 10. 3.). Fødd kring 1708, gift med Siri Johannesdotter (48), som var stykdotter til Tore Rasmusson. Under 12-7 1765 finn me denne semja i Panteboka: "Imellem os undertegnede er følgende Contract indgaaet: Jeg Johannes Larsen Nærem tilstaar at have oppebaaret af min stedmoder, Ingeborg Larsdr. Nærem, reede penge 35 rdl. hvortil jeg tilpligter mig at forskaffe hende upaaklagelig underholdning med huus og opvarming", — underskreve av partene og Peder Toreson Bø og Mikkel Gudmestad. Kven denne Ingeborg Larsdr. var, veit eg ikkje, men sidan ho er kalla Johannes Larsson si stykmor, må ho ha vore gift med far hans, men det høver ikkje, for Lars Rugland døde i 1714, og då heitte enkja Berit Ellingsdr. Der var skifte etter Siri Johannesdotter 15-3 1763, og så gifta Johannes seg 2) med Marit Asbjørnsdotter Skretting (Skretting 24. 2.), fødd kring 1736. Det var nok mor hennar som var den ovanfor nemnde Ingeborg Larsdr. Forklaringa her må då vera at ho i røynda har vore ei "god" mor for han, sjølv om ho i forma ikkje var anten mor eller vermor, slik at dei har funne det rimeleg å kalla henne "stemor". Johannes døde i 1766, skifte 19-3 det året. Han let etter seg enkja, Marit Asbjørnsdotter og eit barn. Johannes eller Johanna, 14 dagar gamalt. (I Stavanger 7-6 1798 er gift Anna Johanna Johannesdr. Njærheim, f. 1766, og Lars Knutson Tjensvoll, f. Laland 1736, d. 1814. Han var Hospitalforstander. Denne Anna Johanna må ha vore Johannes Larsson Njærheim si dotter?)

64. Simon Jonson Bø (Bø 36. 2.) var fødd kring 1726, død 15-4 1802. — Gift med enkja etter Johannes Larsson (65.), Marit Asbjørnsdotter, død 10-5 1803. — Simon kjøpte 24 spand av Svanenhjelm sine arvinger i 1767. I 1784 selde han 12 spand til Peder Aslakson, og i 1794 selde han dei andre 12 spand til sonen Jon Simonson. Simon og Marit heldt skifte 19-3 1796. Dei hadde då 3 søner:

1. Jon Simonson Njærheim, f. 1773 (83.).
2. Asbjørn Simonson Njærheim, f. 1775 (84.).
3. Simon Simonson, f. 1779.

65. Omund Olson Reiestad — (Reiestad, Varh. 16. 2.) brukte 12 spand i Njærheim 1758/1761 etter Hans Olson og løytnant Bredahl. Han budde seinare på Høyland (sjå der 33.).

66. Rasmus Olson (Håland?) (Store Håland 7. 1.) var fødd kring 1723, død 17-9 1793. Gift med Siri Ingebretsdotter Årestad, fødd i Time 1727, død 14-8 1804, dotter til Ingebret Nilsson og Siri Pedersdr. Årestad. Rasmus tok over dei 18 sp. som Albret (56.) let frå seg, då han flutte til Håland i 1757. Det er uvisst kor mange barn dei hadde. I 1758 har dei ein son:

1. Ingebret Rasmusson, 13 år gamal, men han må vera død før 1769, og ein ny fødd det året:
2. Ingebret Rasmusson Njærheim (90.).

67. Rasmus Pederson Bratland (sjå Bratland, Varh. 10. 3.) fødd kring 1729. Gift med Anna Eriksdotter Njærheim, fødd kring 1728 (58. 4.). Eg har ikkje funne skifte etter dei, og dei er ikkje gravlagd i Haa. Rasmus kjøpte 3 spand av Lisbet von der Lippe i 1754, som Erik Olson brukte "han haver selv 3 spand tilforn". Han skulle såleis ha hatt 6 spand, og brukte dessutan 24 spand som kyrkja åtte. I 1773 selde han 3 spand til Asbjørn Josefson og flytte til Salte. Han er oppførd med 2 barn på Njærheim i 1758:

1. Peder Rasmusson, f. 1755.
2. Erik Rasmusson, fødd 1757, gift med Ingeborg Tollaksdr. Budde på Mid Salte.

68. Rasmus Gunnarson Garborg, son til Gunnar Rasmusson Garborg og kona Barbro Torgierdr. frå Braut. Fødd kring 1727, død 1793, gift med Malena Eriksdotter Njærheim (58.) fødd kring 1732, død 1800. Rasmus fekk auksjonskjøte på 3 spand i 1756, av Kammer-råd Ebbel, for 9 rdl. I 1757 selde han det til Lars Torgierson for 3 rdl. I 1778/81 brukte han 18 spand som bispestolen åtte og 6 spand som han sjølv åtte. Me veit om 6 barn:

1. Barbro Rasmusdr., f. 1752.
2. Anna, f. 1753.
3. Berta, f. 1756.
4. Herborg Rasmusdr., fødd 1760, gift 1) med Ola Rasmusson (76.), gift 2) med Rasmus Gitlesoh (77.).
5. Gunnar Rasmusson Njærheim (87.).
6. Erik Rasmusson.

69. Lars Torgierson var komen til Njærheim i 1757, då han fekk skjøte på 3 sp.

av Rasmus Gunderson for 3 rdl. Han var truleg son til Torgier Omundson og Anna Jonsdr. Næsheim (sjå Næsheim 35.). — Han var fødd kring 1725, død 1807, 82 år, gift med Guri Pedersdotter Njærheim (61. 3.) fødd kring 1722, død 1805, 86 år. Omfram dei 3 spand hadde han byksla 21 spand kyrkjegods etter Peder Helgeson. 3 barn er nemnde:

1. Johannes Larsson, f. 1755.
2. Anna Larsdr., f. 1757, gift med Asbjørn Asbjørnson (85.).
3. Torgier Larsson, gift i Stavanger 23-2 1786 med Karen Margreta Knutsdr. Hylen. Dotter deira Margreta, gift i Stavanger 1812 med hattemakar Sven Davidson Vagle.

70. **Gitle Omundson Lode** (Lode 30. 1.). Hadde butt på Næsheim (sjå der 61.). Han var døypt i Stavanger 29-9 1731, død 5-2 1803. Gift kring 1760 med Kirsten Olsdotter Reiestad, fødd kring 1720, død 14-12 1792 (Reiestad, Varh. 16. 5.), syster til 65. Gitle var komen til Njærheim før 1778 og brukte 12 spand kyrkjegods som Omund Olson hadde brukt. Me veit om 2 barn:

1. Kirsten Gitlestr., f. 1761, gift med Gunnar Rasmusson (87.).
2. Ola Gitleson Njærheim, f. 1763 (88.).

71. **Salomon Hansson**, son til 62, var fødd kring 1735, død i Stavanger 20-12 1787. Gift i Time med Anna Rasmusdotter Sæland, fødd 1743, død i Stavanger 28-5 1789, dotter til Rasmus Jonson Sæland i Time og Anna Gabrielsdr., f. Braut. Det kan sjå ut som Salomon ikkje brukte gard på Njærheim. Han budde i Stavanger, men åtte 4 spand i Taksdal i Time som kona hans hadde arva etter far sin. Desse 4 spand makebytte han med Jesper Torkelson mot 6 spand i Serigstad (Herigstad?) i 1779. Dei hadde 5 barn fødd i Stavanger:

1. Hans Salomonson, g. i Stavanger 1797 med Laurensa Berg. Han var sjømann og budde i Stavanger.
2. Elen Salomonsdr., f. 1764, gift 1784 med Ole Olson Haga i Håland, sjøm.
3. Gabriel Salomonson, f. 1771, d. 1804, gift 1796 med enkja Berta Johanna Johannesdr. Han var daglønær.
4. Lars Andreas Salomonson, f. 1775.
5. Anna Laurensa Salomonsdr., f. 8-6 1777.
6. Elisabet Cicilie Salomonsdr., f. 8-6 1777. Tvillingar.

72. Peder Tollakson hadde kjøpt 12 spand i Njærheim i 1760 etter kaptein Dams.

I 1762 selde han same til Peder Aslakson for 42 dalar. Det er uvisst kven han var, men han er nemnd på Næsheim frå 1770 til 1778 (sjå der under 54.).

73. **Peder Aslakson Aaen** (sjå Opstad 30. 2.) var fødd kring 1726, død på Bekkeheien i 1813, gift 1) med Ingeborg Mikselsdr. Auestad i Varhaug, d. 1771, gift 2) med Guri Ingebretsdtr. Arestad. I 1762 kjøpte han 12 spand i Njærheim av Peder Tollakson, som han selde til Jakob Halvardson i 1776. I 1786 kjøpte han 12 sp. av Simon Jonson, og selde det att til Jon Simonson i 1795, og flutte så til Bekkeheien på Høyland (sjå meir om han der 51.).

74. **Ola Hansson**, son til 62. og bror til 71., var fødd kring 1739, død 1771, skifte etter han 23-7 det året. Han var gift med Berit Nilsdotter Gudmestad, fødd 1744 (Gudmestad 16.). I 1770 byksla han 24 spand kyrkjegods av presten Grøver, og sjølv åtte han 12 spand som var kjøpt av Paul von der Lippe (bispen) i 1752, 6 spand, og 6 spand av Peder Helgeson. Ola Hansson og Berit hadde 3 barn:

1. Hans Olson Njærheim, f. 1767 (80.).
2. Gunhild Olsdr., f. 1768, d. 1772.
3. Elen Olsdr., f. 1771, d. 1772.

75. **Rasmus Olson** byksla dei 24 spand kyrkjegods etter Ola Hansson den 14-3 1772. — Straks etter gifta han seg med enkja, Berit Nilsdotter og løyste ut arvingane for 6 spand og fekk 6 spand med kona. Det har ikkje lukkast å verta vis med kva dette var for ein Rasmus Olson. Eg har stundom tenkt at han kanskje var frå Nord-Varhaug og var bror til Hans Olson, (nr. 60). Men det var han vel ikkje. Han døde alt i 1782, og der var skifte etter han 18-6 det året. Der er nemnd ei dotter:

Eli Rasmusdr., f. 1774. Ei Ester Rasmusdr. Njærheim, f. 1780, var gift på Sandnes med gjestgjevar Elling Halvarson (Risa 52. 4.).

76. **Ola Rasmusson** var og frå Nord-Varhaug, son til Rasmus Hanson frå Håland og Anna Olsdr. (N-Varhaug 22. 2.). Han skulle då vore syskenbarn til Ola Hansson og systerson til Hans Olson og Rasmus Olson. Han var fødd kring 1750, død 20-5 1789, gift med Herborg Rasmusdr. Njærheim, f. 1761 (68.). — Ola Rasmusson byksla 18 sp. av Børre Rosenkilde, som Rasmus Gunnarson hadde brukt og nå for skuld alderdom hadde gjeve frå seg

(i 1786) mot følge for seg og kona. Han hadde vore gift berre 3 år då han døde, og fekk ei dotter:

Anna, f. 1787, gift med Asbjørn Simonson (84.).

77. Rasmus Gitleson var son til Gitle Rasmusson Sør-Varhaug og kona Guri Bårdsdtr. (Varhaug 58. 2.), fødd kring 1765, død 9-10 1836, gift 10-7 1790 med enkja etter Ola Rasmusson, Herborg Rasmusdtr. Han byksla dei 18 spand av Børre Rosenkilde i 1790 på enkefru etter biskop Hagerups vegne. Det var då dei 18 sp. bispegods som Rasmus Gunnarson hadde. Herborg døde 14-6 1830. Dei fekk 4 barn:

1. Olina, f. 1791, gift med Nils Hansson (94.).
2. Gitle, f. 1793 (98.).
3. Anne Berte, f. 1800, gift 13-6 1824 med Jakob Jonson (Efjestad 48.).
4. Rasmus, f. 1803, gift 11-10 1829 med Maren Olsdtr. Nærland (Nærland 28.). Budde på Våland ved Stavanger og var myllemeistar, død 1884.

78. Peder Einarson var son til Einar Pederson Anestad frå Bjørheim og Joron Torstensdtr. Anestad (Anestad 30. 3.), fødd kring 1737, død 28-6 1808, gift 1) med Malena (Øttesdtr. 59.?), død 27-2 1789, 40 år, gift 2) 3-7 1789 med Berit Rasmusdtr. Kvia, fødd 1760, død 13-5 1831 (Kvia 22. 4.). Ikkje barn. Enkja gift 2) med Knut Hansson (81.). Peder brukte 15 sp. kyrkjegods og 3 sp. som han åtte.

79. Jakob Halvardson kjøpte 12 spand av Peder Aslakson i 1776 for 63 rdl. og selde same til Ola Gitleson i 1798. Han var son til Halvar Jakobson Rimestad (19.), f. 1738, gift med Berta Torstensdtr., fødd kring 1740, død 28-10 1810. Ho var då enkja. Dei hadde 3 barn:

1. Berta, f. 1777, gift med Ola Gitleson (88.).
2. Karen, f. 1781, gift 8-1 1813 med Tjærand Styrkardson Søyland (Søyland 18.).
3. Malena eller Helena, f. 1785.

80. Hans Olson, son til 74., f. 1767, d. 7-8 1835, gift 1) med Anna Tollaksdtr., f. 1755, d. 1789, skifte 11-7. Ho var dotter til Tollak Torstenson Mid Salte og kona Anna Larsdtr., gift 2) 1789 med Berta Nilsdtr. Skjæveland, f. 1757, d. 27-7 1841, dotter til Nils Nilsson Skjæveland i Høyland og kona Maren Klausdtr. (Sjå Bind II Skjæveland 40.) Hans kjøpte 12 sp. av mora og halvsystema, Elen Olina, i 1786

for 24 rdl. og byksla 24 sp. av Nils Grøver + andre 6 sp. Han fekk 2 barn i første gifte og 3 i andre:

1. Ola, f. 1787, d. 1788.
2. Taletta, f. 1789, gift i Stavanger 25-7 1833 med bygningsmann Erik Hansson frå Dysjaland i Håland.
3. Nils Njærheim, f. 1790 (94.).
4. Ola Lerbrek, f. 1793 (sjå Lerbrek 23.).
5. Andreas Njærheim, f. 1797 (95.).

81. Knut Hansson var son til Hans Simonson Varhaug og kona Karen Hansdtr. (S-Varhaug 53. 1.), fødd kring 1770, død 19-5 1840, gift 3-4 1810 med enkja etter Peder Einarson, Berit Rasmusdtr. Kvia. Knut byksla 15 sp. av kyrkjeieigarane Andfinn Hana, Jon Larsson Obrestad og Elling Nilsson Skrettingland i 1810. — I 1827 sa han opp bykselen, og Maurits Nilsson byksla dei 15 sp. av Ola Sangesand mot følge til Knut og Berta. Dei hadde ikkje barn.

82. Asbjørn Josefson var son til Josef Taraldson Haugland i Time og 2dre kona Malena Asbjørnsdtr. frå Reiestad. Han var fødd kring 1743, død 17-6 1809, gift 1) med enkja etter Asgaut Simonson Salte, Herborg Eriksdtr. frå Njærheim, fødd kring 1716, d. 26-3 1798, dotter til 58., gift 2) 8-7 1799 med enkja Barbro Larsdtr. Fosse, f. 1757, d. 16-12 1799, gift 3) Midfastesundag 1800 med Marta Tøllaksdtr., f. 1760. Asbjørn kjøpte 3 sp. av Rasmus Pederson (67.) i 1773 for 6 rdl. og byksla 12 sp. kyrkjegods av Nils Ellingson Våland. Han selde 4[^] spand i Salte som var Herborg sitt, til Rasmus Pederson for 45 rdl. i 1773, og løyste ut av Lars Erikson Njærheim. — Asbjørn hadde visst ikkje barn. Den 6-11 1804 finn me i panteboka: "Jeg Peder Enersen tilstaar at Asbjørn Josephsen, foruden de allerede til sit brug i Nærem havende og brugende Engestykker, skal nyde og bruge og beholde følgende 3de Engeteiger: en ved Kluugrøsen?, en under (Aarlu?) Ågeren, og den 3die af Røine Ågeren, samt et stykke ved Kluugrøsen som er indgiærdet, hvorved hans slaatter omtrent efter skylden bliver lige med mine egne. End videre forbinder jeg mig til at betale Asbjørn inden dette aars udgang for tilføyet fornærmelse på hans Agre en tønne godt korn og de deraf flydende omkostninger — da jeg var indstevnet til Rettens dag — ialt med 9 rdl. 1 ort, 2 skil. Fremdeles tilstaar jeg for eftertiden ikke at fornærme Asbjørn i ringeste maade enten ved ord eller gier-

ning, og skulde dette ske, enten af mig mod ham eller af ham mod mig, eller denne Forening brydes, da sættes 50 rdl. som mulkt, og disse svares af den som fornærmer, de 25 til Nærem Sogns fattige og de 25 til den fornærmede, og disse udredes under Exekutions Tvang, saa snart fornærmelse er skeet og foreningen brudt. Dette til Bekræftelse under vaares Hænder, ligesom og vaare naboer Hans Oelsen, Ole Gietlesen, Asbjørn Asbjørnsen, Joen Simonsen og Gunder Rasmusen, der vare indstævnedes som vidner og ere nøje bekendte om vaares forskiellige Engeteiger, med os underskriver dette Document til vitterlighed paa Scheie Thingsted den 6te November 1804. Asbjørn Josephsen. Peder Enersen.”

83. Jon Simonson var son til nr. 64., f. 1773, d. (1825?), gift 9-6 1796 med Berta Olsdtr., f. 1746, d. 6-4 1833, dotter til Ola Asbjørnson Mæland i Varhaug og kona Anna Rasmusdtr. Jon kjøpte 12 sp. av faren i 1794 for 24 rdl. og 12 sp. av Peder Aslakson i 1795 for 64 rdl. — Dei hadde ikkje barn. (Sjå Mæland 15. 2.)

84. Asbjørn Simonson, bror til Jon, var f. 1775, d. 22-11 1851, gift 25-1 1807 med Anna Olsdtr. Njærheim (76.), f. 1787, d. 31-6 1837. Asbjørn budde på Njærheim til kring 1814. Så flutte han til Kalsvaren under Mæland i Varhaug og var der til 1824. Då kjøpte han heimegarden, 24 sp. i Njærheim, av broren Jon for 180 spesidalar + folge til Jon og kona. Han fekk 5 barn. Dei 2 yngste fødde på Kalsvaren:

1. Simon, f. 21-4 1807 (102.).
2. Anna, f. 29-3 1810, gift med Ola Olson Høyland (Høyland 98.).
3. Marta, f. (1814?), gift 7-4 med Hans Olson Sør-Reime (Sør-Reime 34.).
4. Herborg, f. 13-2 1818, d. 9-9 1873, ugift.
5. Olina, f. 13-2 1818, d. 9-7 1857, ugift.

85. Asbjørn Asbjørnson var son til Asbjørn Samuelson (Skretting 24. 4.) og kona Ingeborg Larsdotter frå Odland i Bjerkreim, bror til den andre kona hans Johannes Larsson (63.). Han var fødd kring 1749, død 20-10 1816, gift med Anna (Malena) Larsdtr. Njærheim (69. 2.), f. 1757, d. 19-4 1840. Asbjørn byksla 12 sp. av Nils Ellingson Våland og Peder Olson Ueland i 1781 etter Lars Torgerson. Dei fekk 7 barn:

1. Johannes Asbjørnson Njærheim, fødd 1788 (nr. 93).
2. Asbjørn Asbjørnson, f. 1789, gift 6-3 1821 med Karen Henriksdotter Hårr

(Hårr 45. 2.). Uvisst kvar dei vart av. Ein son, Henrik Asbjørnson, f. på Njærheim 1821, gift i Hetland 1849 med enkja Rakel Voll på Tjensvoll. (Voll 55. 6.)

3. Ingeborg Gurine Asbjørnsdtr., f. 1790, død same året.
4. Guri Asbjørnsdtr., f. 1792, d. 1794.
5. Ingeborg Malena Asbjørnsdtr., f. 1796, d. 1797.
6. Lars Asbjørnson, f. 1798.
7. Anna Maria Asbjørnsdtr., f. 1803, d. 1857, ugift. Ho hadde ei dotter: Anna Larsdtr., f. 5-1 1839.

(Asbjørn brukte 1 pund og 21 spand kyrkjegods og 3 spand bondegods.)

86. Omund Halvardson Fosse, son til Halvard Knutson Fosse i Time og Ingeborg Omundsdtr. Han var fødd kring 1750, død 1-2 1799. Gift i Stavanger 3-9 1782 med Kirsten Torbjørnsdotter, fødd i Høle 1755, dotter til Torbjørn Tingholm i Høle og kona Ingeborg Toresdtr. Dei budde i Stavanger eller Hindal i Hetland til kring 1788. Til Njærheim må dei vera komne kring 1797. Det kan sjå ut som Omund var husmann, for han er ikkje nemnd i Futerekneskapen, — og enkja budde i eit lite hus i 1801, ”hvor hun med sine børn nyder almisse”. Dei hadde 6 barn, alle fødd før dei kom til Njærheim:

1. Halvard Omundson Njærheim, fødd i Stavanger 1782 (nr. 92).
2. Ola Omundson, f. i Stavanger 1785, gift i Stavanger 1808 med Sissel Marie Olsdtr. Han var sjømann.
3. Karen Kirstine Omundsdtr., fødd i Stavanger 1788.
4. Ingeborg Omundsdtr., f. (1790?), gift 1818 m. Gabriel Rasmusson Nord-Varhaug (sjå Bjørheim, Varhaug 17.).
5. Torbjørn Omundson, f. (1793?), skipper og budde i Stavanger.
6. Omund Omundson Høyland, f. 1797 (sjå Høyland 88.).

87. Gunnar Rasmusson, son til 68., var fødd kring 1762, død 20-11 1829. Gift 3-3 1793 med Kirsten Gitlesdotter (70. 1.), fødd 1761, død 2-9 1845. Gunnar byksla 12 spand kyrkjegods av Nils Ellingson Våland i 1793 etter verfare. Kirsten var kalla kona då ho døde, så ho har truleg gifta seg att, men det har eg ikkje funne noko om. Dei hadde 6 barn:

1. Rasmus Gunnarson Njærheim, f. 1794 (nr. 96).
2. Gitte Gunnarson Njærheim, f. 1795 (nr. 97).

3. Erik, f. 1797, oppkalla etter farbroren, Erik. Han vart gift med Berta Gunnarsdr. Njærheim (91. 5.). Budde på Leikvoll i Randaberg.
4. Kirsten Gunnarsdr., f. 1800.
5. Anna Malena Gunnarsdr., fødd 16-1 1803, død same året.
6. Omund Gunnarson, f. 4-12 1804, d. 9-1 1805.

88. Ola Gitleson Njærheim, son til 70., var fødd kring 1763, død 13-3 1827. Gift 26-3 1799 med Berta Jakobsdotter Njærheim (79. 1.), fødd 1777, død 7-6 1839. Ola Gitleson kjøpte 12 spand av verfare i 1798 for 48 dalar med følge. I 1805 selde han dei 12 spand til Mons Berntson Torland i Stavanger for 80 dalar, og i 1810 lånte han 200 dalar av Peder Pederson Tvihaug. Mons Berntson hadde selt dei 12 spand til Peder Tvihaug i 1807 for 80 dalar, og Peder byksla 6 spand til Hans Pederson i 1809. Ola Gitleson hadde gitt pant i buskap og lausøyre til Peder Tvihaug for dei 200 dalar han lånte. Ola brukte vel framleis og budde på garden til 1812. Då byksla Gunnar Olson Motland alle 12 spand av Peder Tvihaug. Ola Gitleson og Berta Jakobsdr. fekk 5 barn:

1. Gitle Olson Njærheim, f. 1801 (105.).
2. Jakob Olson, f. 1803, gift 1) 1827 med Sara Gunnarsdr. Vigrestad (sjå der 29. 2.). Flutte til Stavanger same året og der gift 2) 1841 med Berta Knutsdr. Rygh. Budde på Grøtheim i Randaberg.
3. Kirsten Olsdr., f. 1810, gift 1831 med Rasmus Ingebretson Bekkeheien (Høyland 86.).
4. Ola Olson, f. 30-4 1813, gift 1842 med Taletta Pedersdr. Torland (Torland 47. 3.).
5. Berta Malena Olsdr., f. 15-4 1817, d. 23-4 same året.

89. Hans Pederson var truleg frå Bore-Heia. Han var i alle fall kalla Hans Bore då han døde. Han var fødd kring 1766, død 1837, 71 år gamal, gift 7-1 1810 med enkja etter Asbjørn Josefson, Marta Tollaksdotter. Hans Pederson tok over 3 sp. etter Asbjørn Josefson, som han åtte?, og byksla 6 spand av Peder Tvihaug. Han var barnlaus.

90. Ingebret Rasmusson, son til 66., var fødd kring 1769, død 1835, gift 1) 1794 med Anna Andersdotter, fødd 1773, død 1821, dotter til Anders Pederson Årestad i Time og kona Berta Monsdr., gift 2)

1823 med Eli Hermandsdotter Vestly, f. 1788. Ingebret byksla 18 spand av bispestolen i 1793 etter faren, som hadde sagt det frå seg for skuld alder og fattigdom. I 1833 er enkja oppført som brukar av dei 18 spand. Ingebret hadde 11 barn i første gifte og 2 i andre:

1. Serina, f. 1794, død på Sæland i Time 1881. Ho var gift med Tollak Olson Marbakken som budde på Eikeland i Time 1865.
2. Rasmus, f. 1799, død same året.
3. Berta, f. 1797, d. 1822, ugift.
4. Rakel, f. 1800, gift 1823 med Rasmus Omundson (Rimestad 43.).
5. Abraham Ingebretson Njærheim, f. 1803 (101.).
6. Marta, f. 1806, d. 1807.
7. Ola, f. 1808, d. 1809.
8. Ola Ingebretson Rimestad, f. 13-12 1809 (Rimestad 54.).
9. Anna Johanna, f. 1811.
10. Ingebret, og
11. Johannes, f. 1821, d. same året saman med mora.
12. Rasmus Ingebretson, f. 13-9 1824 (sjå 109.).
13. Anna Helena, f. 9-3 1829, gift 1858 med Jakob Torgerson (112.).
14. Marta Maria, f. 31-1 1813 (av første gifte) gift med Ivar Halvardson Storhaug.

91. Gunnar Olson Bø (sjå Motland 16.), byksla 12 spand av Peder Tvihaug i 1812 etter Ola Gitleson. Då første kona, Anna Kirstina Gunnarsdr. var død, gifta han seg 2) 25-2 1810 med Guri Marta Svendsdotter Næsheim, fødd 1784, død 10-8 1835 (Næsheim 67. 1.). Gunnar døde 28-6 1835. Han hadde 8 barn i andre gifte:

1. Sven Gunnarson, f. 1810, d. same året.
2. Anna Kirstina, f. 1811, gift i Stavanger 1837 med Ole Bårdson Haukuld frå Skjold.
3. Berta, f. 1812, død same året.
4. Ola Gunderson, f. 24-10 1813, d. 1849, gift 1839 med Dorteia Tønnesdr. Søyland (Søyland 17. 7.). Dei døde begge av kolera i Stavanger i 1849.
5. Berta Gunnarsdr., f. (1815?), gift med Erik Gunnarson (87. 3.).
6. Sven Gunnarson, f. 20-10 1817, gift i Stavanger 1844 med Karen Zakariasdr. Vistnes. Smed på Goa i Randaberg.
7. Gunnar Gunnarson, f. 14-8 1819. Han hadde ein son u. e.: Jonas Gunnarson, f. 4-11 1937 (sjå Tvihaug, Varh. 26.).
8. Johanna Gunnarsdr., f. 26-7 1821, gift i Stavanger 1848 m. Antonius Omundson Liknes, murar i Stavanger.

9. Guri Marta Gunnarsdtr., f. 10-10 1824, gift i Stavanger 1847 med tenar Syvert Paulson Anestad, f. 14-3 1825, son til Paul Knutson Anestad og gjenta Sara Hansdtr.
92. Halvard Omundson Njærheim, son til 86., var fødd i Stavanger i 1782, død 22-3 1841. Gift 16-1 1816 med Guri Gitlesdtr. Njærheim, fødd 1785, død 16-3 1833 (sjå Varhaug 58. 3.). Ho var halvsøster til Rasmus Gitleson (77.). Halvard må ha vore husmann, for han er ikkje nemnd i Pantebøkene. Dei fekk 7 barn:
1. Gabriel Halvardson, f. før giftermål 29-7 1812, død 1825.
 2. Omund Halvardson, f. 15-3 1816, budde på Gramstad og var gift med Inger Karina Olsdtr. Hogstad.
 3. Bendiks Halvardson, f. 2-8 1818, gift 27-11 1845 med Berta Gulliksdtr. Solbjør frå Bjerkreim. Han var skomakar og budde på Austrått.
 4. Berta Halvardsdtr., f. 28-7 1823, flutt til Høyland prestegjeld i 1841, gift 1846 med Ola Simonson Tjora .
 5. Anna Kirstina Halvarsdtr., gift 28-3 1844, 23 år gamal, med Sven Simonson Tjora.
 6. Gabriel Halvardson, f. 21-2 1825, d. 3-3 same året.
 7. Guri Halvardsdtr., f. 9-9 1828, d. 25-9 same året.
 8. Rakel Halvardsdtr., f. 6-6 1826, konfirmert 1841.
93. Johannes Asbjørnson, son til 85., fødd 1782, død 16-6 1836. Gift 7-12 1817 med Marta Svensdotter Anestad, fødd 1787 (Anestad 32. 6.). Johannes byksla 12 spand kyrkjegods etter faren og 9 spand andre og kjøpte 3 spand av faren i 1813 for 25 dalar. Dei fekk 3 barn:
1. Anna Malena, f. 10-12 1818, gift med Ole Johannes Jonson Næsheim (104.).
 2. Asbjørn Johannesson Njærheim, fødd 13-3 1822 (nr. 103).
 3. Marta Johannesdtr., f. 11-5 1826, gift 30-3 1854 med Rasmus Nilsson Rongen (sjå Djøseland, Varhaug 40.).
94. Nils Hansson Njærheim, son til 80., var fødd 1790, død 14-2 1849. Gift 16-11 1817 med Olina Rasmusdtr. Njærheim (77. 1.), fødd 1791, død 28-11 1863. Nils Hansson kjøpte 6 spand av faren i 1830 for 30 dalar og halv følge. Han byksla og 12 spand kyrkjegods av presten Kastrup i 1822. I 1836 selde han dei 6 spand til losoldermann Gabriel Monsson i Tananger for 42 dalar, som han då byksla att. Ved skiftet etter Anna Malena Monssen i 1855 vart 6 spand + 12 spand i Njærheim utlagt til sonen Mons Monson. Nils og Olina hadde 8 barn:
1. Herborg Nilsdtr., f. 24-12 1819, gift 29-11 1864 med Gabriel Gitleson Salte.
 2. Barta Maria Nilsdtr., f. 12-12 1817, d. på Salte 10-10 1880, ugift.
 3. Berta Nilsdtr., f. 15-1 1822, gift 28-3 1848 med Ivar Pederson Vigre (Vigre 47.).
 4. Hans Nilsson Njærheim, f. 27-10 1825 (nr. 110).
 5. Rakel Nilsdtr., f. 17-4 1829, gift 2-7 1864 med Peder Svenson Næsheim (sjå Høyland 127.).
 6. Berta Maria Nilsdtr., f. (1827?), død på Salte 1880, ugift.
 7. Malena Nilsdtr., f. 27-3 1833, død 5-2 1834.
 8. Nils Nilsson Reime, fødd 28-12 1834 (Reime 51.).
95. Andreas Hansson, var bror til 94., f. 1797, d. 29-3 1864. Gift 19-3 1826 med Elen Malena Svensdotter, fødd i Klepp 1794, død 21-6 1856, dotter til Sven Johannesson Næse i Klepp. Andreas byksla 12 spand kyrkjegods av Kastrup i 1822 etter faren, som han fekk kongeskjøte på i 1866 for 100 dalar. Han kjøpte og 6 spand av faren i 1830 for 30 dalar og halv følge. I 1855 fekk sonen Hans skjøte på dei 6 spand av faren. Sidan brukte han heile garden til han døde 13-12 1893. Andreas Hansson fekk 5 barn:
1. Rakel Andreasdtr., f. 4-9 1829, gift 7-4 1859 med Sivert Johannesson Øvre Haugland i Time.
 2. Berta Maria, f. 1827, d. 5-10 1909, ugift.
 3. Anna Malena, f. 19-3 1831, d. 4-7 1902, ugift, dtr. Ane Eriksdtr., f. 1858 (sjå Valdeland 12. 4.).
 4. Hans Andreasson Njærheim, fødd 6-2 1833, død 13-12 1893. — Ole Andreas Halvardson Høyland tok over bruket etter han (136.).
 5. Sven Andreasson, f. 25-9 1836, gift 26-3 1863 med Tabitta Taraldsdtr. Torland, budde i Stavanger (Torland 51. 3.).
96. Rasmus Gunnarson, son til 87., fødd 1794, gift 31-14 1820 med Berta Eriksdtr. Holen, fødd 1795 (sjå Anestad 61. 1.). Rasmus budde ei tid på Njærheim, men flutte til Haugstad i Varhaug i 1822 (sjå der 41.).
97. Gitle Gunnarson, bror til 96., var f. 1795, d. 5-4 1860. Gift 1) 9-11 1827 med

Inger Svensdotter Halleland, f. 1789, (sjå Nord-Halleland i Varh. 17. 7.). Dei vart skilde. Gift 2) 2-9 1833 med Berta Eriksdr. Haugstad, f. 1806, d. 8-1 1863, dotter til Erik Gunnarson Rullen og kona hans Karen Eriksdr. frå Hårr (Haugstad). — Gitle byksla 12 sp. kyrkjegods av Ole Songesand i 1827 etter faren. Han fekk 1 barn i Iste og 6 i 2dre gifte:

1. Karen, f. 10-5 1829, gift 1) 20-4 1855 med Peter Kittelson (Herigstad 55.), gift 2) 17-11 1863 med Andreas Adamson Rugland.
 2. Grete, gift med Gunnar Omundson frå Vikadal.
 3. Gunnar Njærheim, f. 10-6 1836 (107.).
 4. Erik, f. 2-3 1839, gift i Stavanger 18-4 1869 med Grete Malena Gregoriusdr. Haugland i Time. Byggmeister i Stavanger, seinare bøkker.
 5. Rakel, f. 7-3 1842, gift i Stavanger med kjøpmann Soma.
 6. Karen Gurina, f. 7-3 1842, tvilling med Rakel, gift med Jonas Sivertson Tasta i Hetland.
 7. Gabriel, f. 29-7 1844, d. 11-8 1855.
 8. Ein son u. e.: Jonas, f. 30-6 1819 (sjå S-Tjemsland 46.).
98. Gitle **Rasmusson**, son til 77., var fødd 1793, død 5-7 1843, gift 6-3 1821 med Inger Malena Olsdr., f. 1793, d. 6-11 1859, dotter til Ola Simonson Efjestad og kona Karen Jakobsdr. (Efjestad 41. 3.) Han kjøpte 3 sp. av faren med andre 3 sp. for 30 spd. og byksla eller forpakta 18 sp. av forvalter Tarald Bahr i 1837. Dei 18 sp. var bispegods og dei 3 kjøpegods. Dei fekk 6 barn:
1. Rasmus Njærheim, f. 4-5 1822 (111.).
 2. Ola Nærland, f. 9-9 1825 (Nærland 42.).
 3. Herborg Malena, f. 4-1 1829, gift 12-11 1863 med Tore Gudmestad (Gudmestad 29.). Han var handelsmann i Stavanger.
 4. Jon, f. 28-4 1832, gift i Stavanger 19-11 1868 med Ane Kristiansdr. Han var sjømann i Stavanger.
 5. Karen, f. 1-7 1835, gift 12-4 1866 med Elling Gabrielson Nærland (Nærland 31.). Budde i Stavanger.
 6. Elen, f. 27-4 1839, gift med Bernt Olson Høyland (Høyland 98.), bygningssmann i Stavanger.
99. **Maurits Nilsson** var son til Nils Vellasson Ueland frå Lanes i Bjerkreim og kona Guri Mauritsdr. frå Maudal. Han var fødd i Bjerkreim 1784, død på Vadlastøl 4-6 1875, gift 14-3 1822 med Berta Larsdr. Refsland, f. 1782, dotter til Lars

Torstenson Refsland i Varhaug og kona Ingeborg Pedersdr. Maurits hadde butt på Skretting og kom til Njærheim i 1827, då han byksla 15 sp. kyrkjegods av Ole Songesand etter Knut Hansson, mot folge til kona, Berta Rasmusdr. I 1835 byksla Jon Olson Bjorland dei 15 sp. i Njærheim, og Maurits flutte til husmannsplasset Holen under Bjorland (Bjorland 21.). Eg veit om 3 barn:

1. Nils, f. på Skretting 13-5 1822, han vart som enkjemann gift i Stavanger 11-6 1882 med enkja Ragnhild Larsdr. Bredal. Var bygningsmann i Stavanger. (Gift 1) 4-4 1850 med Anne Berte Rasmusdr. (Næsheim 78. 1.).
2. Guri, f. 8-2 1826, gift 11-4 1866 med Jakob Jakobson Vadlastøl (Håland i Varhaug 71.).
3. Lars, f. på Njærheim 16-1 1830.

100. Jon Olson Bjorland var frå Høyland (sjå der 38. og Bjorland 15.). Han byksla dei 15 sp. kyrkjegods i Njærheim etter Maurits, og i 1867 kjøpte sonen, Ola Jonson, bruket (122.).

101. Abraham Ingebretson, son til 90., var f. 6-11 1803, d. 1-2 1886, gift 1) i Kristiansand med Anna Jakobsdr. (Jonsdr.?), f. (1794?), d. 18-4 1840, 46 år gamal, gift 2) 18-12 1840 med Maria Vikandsdotter Haugland (HøyL?) f. 1803, d. 23-6 1876, dotter til Vikan Jonson Steinsland og kona Taletta Helgesdr., f. Næse i Klepp. Abraham var kalla husmann i 1865. I 1875 var han gbr. og budde på bnr. 29 med Grinnarvollen bnr. 30. Ved skiftet etter Iste kona, Anna Jonsdr. 7-9 1841 fekk enkjemannen husa for 10 spd. — Han fekk 6 barn i Iste gifte og 4 i 2dre:

1. Anna Tomine, f. i Kr.sand 6-4 1827, var truleg gift med Gundersen i Haugegesund.
2. Isak, f. i Kr.sand 1829, gift 1) 1861 med Ingeborg Taraldsdr. Oma, gift 2) i Hetland 26-6 1891 med Anna Knutsdr. Rosland. Han d. på Jåthun 1897.
3. Hanna, f. i Kr.sand, gift m. ein skipper.
4. Ola, f. på Njærheim 21-1 1833, gift 2) i Stavanger 8-6 1894 m. Berta Malena Rasmusdr. Jåthun. Var dokkarbeidar i Stavanger.
5. Olina, f. 16-2 1836, d. på Njærheim, ugift.
6. Abraham, f. 30-6 1841, d. 25-9 s. å. Var av andre gifte.
7. Jon, f. 18-9 1842.
8. Abel, f. 2-3 1844, d. 2-5 1870, ugift.
9. Anna Maria, f. 21-1 1846, gift 28-9 1871 med Ingebret Olson (121.).

102. **Simon Asbjørnson**, son til 84., var f. 21-4 1807. Han kjøpte 1 pund av faren i 1837 for 120 spd. + følge. Han var truleg ugift, og i 1865 er han og systera, Herborg, folgefolk hjå Salomon Tøreson, som då hadde bruket.

103. **Asbjørn Johannesson**, son til 93., var f. 13-3 1822, d. 24-8 1871. Var ugift. Han tok over 3 sp. etter faren i 1837 for 18 spd. og byksla 12 spand kyrkjegods ved Sven S. og Anders S. Risa i 1845 etter mora. I 1865 kjøpte han dei 12 sp. ved T. T. Obrestad for 500 spd.

104. **Ole Johannes Jonson** var son til Jon Olson Bjorland (nr. 100), f. 25-2 1821, gift 30-1 1863 med Anna Malena Johannesdr., f. 10-12 1818, syster til 103. Eg veit ikkje om han hadde brukt garden, men i 1865 var både han og kona hans og Asbjørn Johannesson hjå Peder Olson, som då brukte denne parten og var kalla sjølveigar. Ole Johannes var skomakar og losjerte der med kona og ei dotter, og Asbjørn var då følgemann. I 1875 var Ole Johannes skomakar på Sandnes. — Dei hadde 2 barn:

1. Maren Ole-Johannesdr., f. 3-9 1843, gift med Hans Rimestad (114.).
2. Justine Maria, fødd 25-3 1863, gift i Sandnes 1884 med Jonas Jonasson Håland (sjå S. Tjemsland, Varh. 45. 2.).

105. **Gitle Olson Njærheim**, son til 88., f. 31-5 1801, d. 9-6 1861. Gift 24-3 1836 med Inger Malena Pedersdotter Tvihaug (Tvihaug, Varh. 27. 4.), f. 20-11 1817. Gitle Olson kjøpte 3 sp. i Njærheim av Hans Pederson i 1835 for 24 dalar og følge, og i 1836 kjøpte han 6 spand av verfare, Peder Tvihaug, for 20 dalar, som Hans Pederson og hadde brukt (sjå 89.). Dei hadde 6 barn:

1. Malena Gitlestr., f. 17-8 1838, gift 5-11 1868 med Tønnes Ellingson Bratland (120.).
2. Ola Gitleson, f. 27-9 1841, gift i Stavanger 1870 med Malena Eilefsdr. Hårr (Hårr, Varh. 58. 2.). Bygningsm.
3. Berta Gitlestr., f. 30-10 1844, gift i Stavanger 1872 med Peder Knutson Rønnevik frå Tysvær. Bygningsmann i Stavanger.
4. Gabriel Gitleson, f. 12-1 1851, d. 11-10 same året.
5. Grete Malena Gitlestr., f. 6-10 1853, gift med Elias Kristianson (sjå 125.).
6. Pauline Gitlestr., f. 23-4 1858, d. 29-11 same året.

106. **Peder Pederson Tvihaug** (Tvihaug, Varh. 27. 2.), var fødd 7-7 1807, død 15-2 1886. Gift 16-3 1834 med Anna Malena Svendsdotter Risa, fødd 28-2 1806, død 14-1 1877 (Risa 61. 3.). Peder Tvihaug kjøpte 6 sp. av faren i 1853 for 20 dalar. Dette var bnr. 18. Dei fekk ei dotter:

1. Malena Pedersdr., f. 5-10 1842, gift med Johannes Abrahamson (nr. 113).

107. **Gunnar Gitleson**, son til Gitle Gunnarson (97.) kjøpte bnr. 26, (12 sp. eller 1 dalar 1 ort) kyrkjegods i 1864 for 400 spd. I 1873 står Omund Rimestad som brukar av denne parten, som han hadde kjøpt av Gunnar Gitleson. Gunnar var f. 10-6 1836. Han var gift 2 gonger. Den første kona var Berta Gunnarsdr. Re. Så vart han gift 2) i Stavanger 22-11 1889 med Ingrid Knutsdr. frå Fløgstad i Lund, f. 19-3 1855. Han var då bygningsmann i Stavanger.

108. **Omund Omundson Rimestad** hadde butt på Høyland (sjå der 120.). — Han kjøpte som nemnt bnr. 26 av Gunnar Gitleson i 1872, for 2800 kroner. Han står som brukar i 1875, men i 1886 er Gunnar Gitleson oppført på denne parten att. I 1887 kjøpte Abraham Gabrielson Rimestad ein part i Alvenæset som høyrde til dette bruket. I 1900 finn me Omund som husmann under bnr. 27, som broren Hans Omundson åtte. Ola Eliasson kjøpte sidan denne parten.

109. **Rasmus Ingebretson**, son til 90., var f. 13-9 1824. Han fekk kongeleg skjøte på 18 sp. bispegods i 1855 for 330 spd. Dette selde han til Jakob Torgerson i 1881 for 480 spd. (Sjå meir om han på Høyland 149.)

110. **Hans Nilsson**, son til 94., var f. 27-10 1825, gift 1) 5-11 1856 med Ingeborg Jonsdr. Bjorland, f. 1824, d. 3-9 1866, dotter til nr. 100, gift 2) 9-11 1868 med Maria Nilsdotter Sør-Reime, f. 11-6 1831, d. 6-9 1882 (sør-Reime 23. 4.). — Han byksla 6 sp. av Mons Monsen i Tananger i 1857 og sa frå seg bykselen att i 1887. I 1866 fekk han kongeskjøte på 12 sp. kyrkjegods for 300 spd. Han hadde kjøpt 6 sp. av faren si dødsbu i 1845 for 50 spd. Hans Nilsson fekk 4 barn i første gifte og 3 i andre:

1. Olina Hansdr., f. 1-12 1856, gift med Lars O. Vigre (der 57.).
2. Anna Hansdr., f. 8-5 1859, d. 23-7 s. å.
3. Anna Hansdr. f. 30-5 1860, d. 28-11 1937, ugift.

4. Nils Hansson Njærheim, f. 2-5 1863 (nr. 134.).
5. Ingeborg Hansdtr., f. 28-8 1869, gift med Ola L. Vigre (der 59.).
6. Kirsten Hansdtr., f. 22-5 1872, d. 27-6 1890, ugift.
7. Nikoline Hansdtr., f. 14-7 1873, gift 16-11 1895 med Sivert Pederson Anda i Klepp.

111. **Rasmus Gitleson Njærheim**, son til 98, f. 4-5 1822, d. 16-11 1908. Gift 1) 8-10 1868 med Taletta Monsdotter Bjorland, f. 15-10 1828, d. 25-1 1881 (Bjorland 16. 3.). Gift 2) 15-12 1887 med Kirsten Malena Toresdotter Rimestad, f. 14-8 1823, d. 28-3 1908 (Rimestad 45. 1.). — Rasmus Gitleson fekk kongeskjøte på 1 pund kyrkjegods i 1845 for 200 dalar. (Sjå Pantebok nr. 16 side 830.) Han hadde ikkje barn, og brordottera, Karen Olsdtr. Nærland fekk garden (sjå nr. 140).

112. **Jakob Torgerson** var son til Torger Aslakson Skjæveland i Høyland og Grete Maria Jakobsdotter Skjæveland. Han var fødd i 1829, død 17-11 1921. Gift 3-6 1858 med Anna Helena Ingebretsdotter Njærheim, f. 9-3 1829, d. 30-5 1916 (90. 13.). Jakob kjøpte bnr. 29 av Rasmus Ingebretson (109.) i 1881 for 480 dalar. Han fekk 6 barn:

1. Ingebret Jakobson Njærheim, f. 27-7 1858 (nr. 129).
2. Johan Jakobson, f. 16-7 1860, gift 18-5 1887 med Melia Olsdtr. Pigberg, f. i Time 1863. Skomakar på Bryne.
3. Elen Jakobsdtr., f. 4-4 1863, d. 18-2 1881.
4. Garman Jakobson, f. 30-8 1866.
5. Henrik Jakobson, f. 13-6 1869.
6. Karl Jakobson, f. 13-1 1873.

113. **Johannes Abrahamson** hadde bnr. 18 i 1875. Han var son til Abraham Johannesson Øvre Ase i Klepp (Bekken) og kona Taletta Torkelsdtr, fødd 8-2 1840. Gift 12-12 1867 med Malena Pedersdotter Njærheim, fødd 5-10 1842 (106.). I 1888 var Johannes Line på denne parten. — Johannes Abrahamson fekk 3 barn på Njærheim:

1. Anna Maria, f. 17-7 1868, gift 5-3 1886 med Jon Kydland (115.).
2. Olette Tomine, fødd 25-2 1870, gift i Stavanger 27-12 1896 med skomakar i Stavanger Gabriel Jonson, f. 9-1 1878.
3. Peder Adolf, f. 22-4 1875, d. 26-12 1879.

114. **Hans Omundson Rimestad**, var bror til 108. (Rimestad 44. 6.). Fødd 20-6 1844,

død 14-8 1933. Gift 4-5 1867 med Maren Ole-Johannesdotter Njærheim (sjå 104. 1.), fødd 3-9 1843, død 6-1 1930. Hans Rimestad kjøpte bnr. 27 av Asbjørn Johannesson i 1872 for 500 dalar. — Som nemnt under 104 brukte Peter Olson Skjærpe denne parten i 1865, og Hans Omundson i 1875, så det kan godt vera at Peter Olson hadde kjøpt av Asbjørn, som Hans vel då og hadde fått skjøte av. Dei fekk 10 barn:

1. Anne Bergitte Njærheim, f. 24-6 1867, gift i New York med Malakias Lyse (Lewis).
2. Ola, f. 12-3 1869, d. 28-1 1870.
3. Maria Njærheim, f. 26-5 1870, gift med Enevald Ase (Høyland 123. 3.).
4. Asbjørn Njærheim, f. 31-1 1872, farmer i Canada. Død 22-1 1961, ugift.
5. Olina Njærheim, f. 1-3 1875, d. 15-1 1901, ugift.
6. Justina Njærheim, f. 6-4 1879, bur på Njærheim, ugift. Ei dotter: Ingrid Tobiasdtr., f. 18-1 1900, gift med Enevald J. Reime (Rimestad 78.).
7. Hanna Elene Njærheim, f. 13-2 1881, d. 11-10 1887.
8. Mine Njærheim, f. 3-5 1883, d. 1923. Gift med Martin Torstenson Gimre, politi, budde i Hillevåg.
9. Hans H. Njærheim, f. 1-1 1885. Brukar nå garden, ugift (150.).
10. Hanna Kirstine, f. 29-8 1890, gift med enkjemann Hans Hansson Rønneseth frå Hylestad.

115. **Jon Kristianson Kydland** var son til Kristian Toreson Kydland i Varhaug og Elen Olsdtr. frå Hjertholen (Kydland 35. 3.). Han var f. 30-5 1852, gift 5-3 1886 med Anna Maria Johannesdtr. Njærheim, f. 17-7 1868, dotter til 113. Han kjøpte bnr. 18 av Peder Tvihaug sine arvingar i 1887 for 750 kroner + følge til verfaren Johannes Abrahamson.

116. **Johannes Gunnarson Line** var son til Gunnar Jonson Line og kona Johanna Larsdtr. frå Kvia. Han var f. (1839?), d. i Forsand 1923. — Gift 1) med Elisabet Halvarsdtr. Kolnes, gift 2) 2-12 1880 med Marta Malena Helgesdtr. Bø, f. 15-5 1847, d. i Stavanger 1915 (Bø 86.). Han hadde butt på Line, då han i 1887 kjøpte bnr. 18 av Njærheim av Jon Kristianson for 1000 kroner + følge til Johannes Abrahamson. I 1903? selde han Njærheim til Lars Larsson Brekken og flutte til Bø (148.). Han fekk 2 barn i Iste gifte og 6 i 2dre:

1. Severine, f. på Line 3-5 1871, gift 29-4

- 1894 med jernstøypar i Stavanger, Jakob Bertinius Larsson Egeland, f. i Stavanger.
2. Gabriel, f. 18-2 1873, gift (15-4 1909) med Inger Tomine Nilsdtr. Eide, f. i Sand 1886. Reist til Amerika. (Bø 148.)
 3. Johanna Elisabet, f. 1881, gift 12-12 1902 med Olaus Mauritsson (Gjøse), Forsand, f. 1867, d. 8-6 1964.
 4. Helge. Reist til USA.
 5. Johan, f. 1885, gift 7-3 1936 med Gustava Toresdtr. Stokkeland, f. 1903. Bur på Nærbø.
 6. Karl, f. på Njærheim 10-6 1888. Reist til USA.
 7. Kristina, f. 6-11 1890, d. 16-12 1965 i Glendale, California, gift i USA med Sven P. Skretting.
 8. Mathilde, f. 4-6 1892, gift med Eivind Aslakson i Stavanger. Sjømann.
117. Salomon Toreson Salte var son til Tore Johannesson Salte og kona Anna Kirstina Salomonsdtr. frå Re. Han var f. 23-12 1835, d. 16-1 1882, gift i Klepp 29-3 1865 med Ane Olsdtr., f. i Time 22-12 1837, d. på Risa 18-3 1926, dotter til Ola Omundson Time frå Taksdal og kona Ingeborg Nilsdtr. Time. Etter Salomon gifta ho seg med enkjemann Ola Olson Lindal på Risa. Salomon kjøpte bnr. 22 av Simon Asbjørnson (102.) i 1866 for 500 spd. — 3 barn:
1. Kirsten, f. 29-12 1865, gift 6-4 1883 med Lars Svenson (130.).
 2. Ingeborg, f. 31-12 1868, gift 4-1 1889 med Elias Abrahamson Nærland (Nærland 48.).
 3. Anna Seline, f. 15-4 1874, d. 1-5 1879.
118. Olaus Olson var frå Malmø i Sverige. Han var gift 18-12 1856 med Ester Svensdtr. Gausland. Hadde butt på Gausland. Han var smed, og budde som jordlaus husmann på Njærheim ("Mæ Brunå") i 1865. Dei hadde då ein son Bernhard Nils Olson, 4 år, og ein smedegut, Ole Gabriel Olson, 21 år, fødd i Time, og ei tenestegjenta, Berta M. Jakobsdtr., 44 år, fødd i Time (Norheim?). Den 1-7 1870 var der "arrestforretning" hjå smed Olaus Olson på Njærheim for skuld til Anfin Olsen på Sandnes, 46 spd. 36 skill, med utlegg i smedeverkty m. m. (sjå Gausland 24.).
119. Hans Hansson og kona Grete Jorina Gabrielsdtr. under Njærheim hadde barn til dåpen: Berta Karina, f. 3-3 1871. Desse folka veit eg ikkje meir om.
120. Tønnes Ellingson Bratland var son til Elling Svenson Bratland i Varhaug og kona Berta Taraldsdotter frå Skjærpe (Bratland 19. 4.). Han var f. 8-4 1826, d. 28-12 1900, gift 5-11 1868 med Malena Gitlestr. Njærheim (105.), f. 17-8 1838, d. 2-9 1901. Tønnes kjøpte bnr. 19 av vermora, Inger Malena Pedersdtr. i 1871 for 200 spd. + følge. Dei fekk 3 barn:
1. Inger Maria, f. 6-5 1872, gift med Karl Larsson (139.).
 2. Karen, f. 1-8 1877, d. 5-8 1881.
 3. Karen, f. 16-8 1882, gift med enkjem. Karl Larsson (139.).
121. Ingebret Olson Kongvaren var son til Ola Torstenson Kongvaren under Søre-Tjemsland i Varhaug og Ingeborg Olsdtr. frå Skretting (Søre-Tjemsland 28. 11.). Han var f. 27-4 1843, d. 20-12 1905, gift 28-9 1871 med Anna Maria Abrahamsdtr. Njærheim (101.), f. 21-1 1846, d. 5-3 1919. Han kjøpte eit utmarkstykkje av Jakob Torgerson i 1874, bnr. 30. — Dei fekk 7 barn:
1. Maria, f. 7-9 1872, gift 15-3 1896 med Andreas Pederson (133.).
 2. Ingeborg, f. 1-1 1874, d. 8-2 1881.
 3. Anna, f. 26-8 1875, d. 10-2 1881.
 4. Ole Ingebretson, f. 31-1 1877 (134.).
 5. Mine, f. 21-10 1879, d. 20-3 1893.
 6. Anna, f. 8-6 1881, d. 12-7 1895.
 7. Ingeborg, f. 12-6 1883.
122. Ola Jonson, son til 100., var f. 2-9 1829, d. 19-10 1912, gift 17-4 1879 med Ane Olina Ivarsdtr. Vigre, f. 28-8 1851, d. 17-12 1932 (Vigre 47. 5.). Ola kjøpte 15 sp. kyrkjegods, bnr. 24, som faren hadde brukt, i 1867 for 400 spd. — Dei fekk 3 barn:
1. Anna, f. 8-2 1880, gift med Elling Pederson (141.).
 2. Berta Bertine, f. 25-10 1882, d. 27-3 1962 på Bryne, gift i Amerika med Jakob Jakobson.
 3. Josefine Olida, f. 3-9 1889, gift i Amerika med Christ Olson. Død 1962 på Bryne.
123. Asbjørn Ellingson Rugland (sjå Høyland 142. 2.) var fødd i Varhaug 3-4 1853. Gift 2-10 1877 med Anne Marie Køhler, fødd 1848 (sjå Næsheim). Asbjørn var murmeister. I 1880 kjøpte han Alvaneset, bnr. 3, 4, 17, 23, 25 av Hans Omundson, Hans Nilsson, Hans Andreasson og Ola Jonson, og i 1885 makebytte han Alvaneset med Bård Risvoll mot eit hus i Stavanger. Sidan budde han i Stavanger.

124. Bård Johannesson Risvoll var fødd i Sauda eller Jelsa 3-1 1851, død på Buøy 1918. Gift 1) med Berta Maria Larsdtr. Goa, fødd i Randaberg (1850?), død 1884. Gift 2) 1884 med Anne Henrikke Olsdtr. Harestad, fødd i Randaberg 1860. Bård var sjømann og tømmermann i ungdommen. Budde så ei tid i Stavanger, der han hadde hus på Løkkeveien. I 1885 makebytte han huset med Asbjørn Ellingson mot parten hans i Alvaneset. Så pakta han det bort og reiste til Amerika, der han dreiv som bygningsm. i Brooklyn nokre år. Kring 1890 kom han heim og busette seg på Njærheim. Han hadde ein son i første gifte og 8 barn i andre:

1. Lars Risvoll, f. i Randaberg 18-11 1875, død i Stavanger 2-1 1962, gift med Karen Jonson frå Buøy. Han var ei tid i Amerika, men var seinare lærar på Buøy i Stavanger.
2. Anna Risvoll, f. i Stavanger 1884, gift 19-12 1914 med Hans Gustavson Ødegård, Andebu.
3. Olina Risvoll, f. på Njærheim 1886, d. 1959, ugift.
4. Johannes Risvoll, f. i Brooklyn 24-11 1888. Han var ei tid i Amerika. Kom seinare heim og tok over Alvaneset. Han selde til Torger Gudmestad i 1915 og flutte til Austlandet.
5. Bernhard Risvoll, f. på Njærheim, 1-10 1892, d. 17-10 1964 i USA, g. m. Anna?
6. Amalia Risvoll, f. 1-10 1892, d. 24-7 1962, gift med Martin Gran frå Andebu, f. 1888, død i Stavanger 1957.
7. Maria Risvoll, f. 21-2 1896, gift 14-10 1916 med Andreas Hansson Gjengedal, fødd i Gløppen 1891. Bur i Helvik.
8. Mathilde Risvoll, f. 24-6 1899. Bur på Næsheim.
9. Conrad Risvoll, f. 23-10 1901, d. 19-6 1911.

125. Elias Kristianson, bror til 115., var fødd på Kydland i Varhaug 4-7 1857, død på Austrått. Gift 8-5 1885 med Grete Malena Gitlesdotter Njærheim, fødd 6-10 1853 (105. 5.). Elias si mor kjøpte Brustykket, bnr. 31, av Nils Olaus Olson Gausland (118.). Der budde nok Elias til 1893, då han flutte til Næsheim. Seinare kom han til Austrått i Høyland. — Dei hadde 6 barn:

1. Maria Njærheim, f. 26-1 1886, gift med Torger Torgrimson Bilstad i Stavanger (Sjå Rugland, Varhaug 41. 2.).
2. Elias E. Njærheim, f. 21-10 1887, d. 8-1 1963, gift 10-10 1908 med Tilla Høyland, f. 2-8 1882. Busett på Lura i Høyland.

3. Gustav Njærheim, f. 1-8 1890, gift med Nelly (Gurine?), f. på Hitra 15-9 1897. Bur på Mauland, Riska.
4. Gabriel Njærheim, f. 17-10 1893, gift med Astrid Sunde.
5. Enevald Njærheim, f. 26-4 1896, gift med Anna Johannesen frå Stavanger.
6. Magda Njærheim, f. 9-6 1899, d. 16-6 1966, ugift.

126. **Abraham Gabrielson Rimestad** (Rimestad 48. 4.), f. 17-3 1843, d. 8-3 1915, gift 1) 6-12 1877 med Sille Maria Svensdtr. Rosland, f. 20-12 1843, d. 6-11 1878 (Høyland 107. 3.), gift 2) 27-3 1884 med Ingeborg Ellingsdtr. Bratland (Bratl. 19. 5.), f. 27-9 1831, syster til 120. Abraham kjøpte eit stykke av Gunnar Gitleson sin part i Alvaneset, bnr. 20, i 1887 for 400 kroner, og eit stykke av Tønnes Ellingson sin part i same, bnr. 21, for 200 kroner. Selde til Matheus Moi (152.). Han var barnlaus.

127. **Abraham Abrahamson Høyland** — (Høyland 89. 3.), f. 24-1 1837, d. 24-1 1906, gift i Time 17-4 1873 med Kirsten Jonsdtr. Øvre Haugland, f. 26-8 1845, d. 27-1 1923 (sjå Høyland 90. 1.). — Abraham kjøpte Brubakken av dei Njærheim i 1883 for 360 kroner, bnr. 5. Dei fekk 4 barn:

1. Gurine, f. 25-9 1875.
2. Jon, f. 12-5 1877, d. 27-5 s. å.
3. Anna Kirstina, f. 12-4 1878, d. 9-1 1892.
4. Abraham Abrahamson Njærheim, f. 7-10 1881 (142.).

128. **Ola Eliasson Reime** (sjå Reime 44. 3.), f. 10-6 1845, d. 26-2 1917, gift 1-9 1876 med Dorthe Pedersdtr. Sveine, f. 22-10 1852, d. 18-3 1936 (Opstad 67. 4.). Ola kjøpte bnr. 26 av Gunnar Gitleson eller Omund Rimestad. Dei fekk 3 barn:

1. Dina, fødd 6-5 1876, gift med Tobias Tørreson Kvia (Kvia 71.).
2. Peder Olson Njærheim, f. 30-5 1879, gift 24-4 1909 med Anna Justine Napoleonsdtr. Njølstad, f. 20-2 1882, d. 21-9 1947 (Njølstad 14. 14.). Brukar farsgarden.
3. Anna Gurina, f. 20-2 1885, gift 15-3 1923 med Peder Olai Furenes. Handelsmann i Stavanger.

129. **Ingebret Jakobson**, son til 112., f. 27-7 1858, d. 26-10 1930, gift 9-11 1882 med Tabitta Seve'rine Endresdtr., f. i Sandnes 21-8 1848, d. 12-5 1937, dotter til Endre Toreson Gilja på Hana og kona Ann Gulligsdtr. frå Solbjør i Bjerkreim. Han brukte farsgarden, bnr. 29. (Sjå

Folk på Sandnes Nr. 1164.) — 3 barn:
 1. Hanna, f. 30-9 1883, gift 28-11 1914 med Karl Toreson Fjogstad. Bygningsmann i Sandnes, f. 1878.
 2. Anna, f. 24-12 1885.
 3. Jakob Hartvig Njærheim, f. 9-12 1887, gift 29-6 1919 med Olina Gudmestad, f. 24-10 1898 (sjå Næsheim 114. 6.) (149.). Dei har ikke barn, og systersonen, Ingebret Fjogstad brukar nå garden (177.).

130. Lars Svenson Løge var son til Sven Svenson Løge i Time og kona Elisabet Eriksdr. frå Vestly. Han var f. 31-5 1855, gift 1) 6-4 1883 med Kirsten Salomonsdr. Njærheim (117. 1.), f. 29-12 1865, d. 3-8 1884, gift 2) 26-10 1888 med Berta Hansdr. Aen, f. 8-9 1860 (Opstad 72. 5.). Lars kjøpte bnr. 27 av vermøra, Ane Olsdr. i 1889 for 2000 kroner. I 1890 selde han til Kornelius Kvia. — 1 barn i første gifte og 2 i andre var fødde på Njærheim:

1. Salomon, f. 13-2 1884, d. 11-8 s. å.
2. Kirsten Seline, f. 29-6 1889.
3. Ingeborg Marie, f. 19-11 1890.

131. Andreas Olson Høyland (sjå Høyland under 101. 4.) var fødd 16-12 1843, død 27-1 1907. Gift 13-7 1869 med Rakel Jonasdatter, fødd i Varhaug 1-12 1847, død 18-7 1907, dotter til Jonas Abrahamson Voll og gjenta Maria Larsdr. Andreas budde på Njærheims-heia, bnr. 22. — Barna deira var:

1. Olette Andreasdr., fødd i Klepp 29-8 1869, død 22-12 s. å.
2. Alette Marie, f. i Klepp 17-11 1872, gift med Peder Enevald Svenson Lode (sjå Lode 78.).
3. Anna Andreasdr., f. på Njærheim 21-4 1877, gift 1911 med Abraham Abrahamson Njærheim (142.).
4. Anna Regina Njærheim, f. (1880?). Ho hadde 2 barn: 1. Alf Olson, f. 13-7 1911, gift 6-7 1932 med Bordi Tvetene. 2. Ragnhild Olsdotter, f. 13-7 1911, gift med Torgny Salte.
5. Andreas A. Njærheim, f. 22-9 1883 (sjå 143.).
6. Maria Njærheim, f. 31-5 1890, gift med Abraham Nærland (sjå Nærland 58.).

132. Kornelius T. Kvia (sjå Kvia 39. 6.). Han var fødd 6-6 1864, død 2-6 1903. Gift 1) 4-4 1889 med Grete Svensdr. Ånestad, fødd 26-3 1864, død 22-6 1892, gift 2) 5-4 1895 med Lotte Svensdr. Ånestad, fødd 25-6 1865, død (1907?) (sjå Ånestad, Varhaug 78. 4. og 5.). Kornelius var sersjant. I 1890 kjøpte han bnr. 22 av Lars Løge

(130.). Han hadde 2 barn i første gifte og 4 i andre:

1. Karen Kvia, f. 16-7 1889, d. 4-3 1914.
2. Grete Kvia, f. 11-8 1891, d. 24-12 1902.
3. Torgny Kvia, f. 9-1 1896, gift 11-11 1916 med Kirsten Maria Vigre (sjå Vigre 59. 3.). Busett på Vigre.
4. Sverre Kvia, f. 22-8 1897, d. 4-7 1918.
5. Guri Kvia, f. 7-9 1900, d. 14-11 1925.
6. Kornelia Kvia, f. 1-6 1903, d. 1939.

133. Andreas Pederson var son til Peder Ivarson Vigre og Asselina Jensdr. Han var f. 26-4 1874, d. 18-8 1910, gift 1) 15-3 1896 med Maria Ingebretsdtr. Njærheim (121. 1.), f. 7-9 1873, d. 26-9 1900, gift 2) 1903 med Anna Seline Olsdr., f. i Varhaug 28-10 1880, d. 3-4 1921, dotter til Ola Svenson Voll i Varhaug og kona Anna Andreasdotter Stavnheim (sjå S-Tjemsland 61.). Andreas budde som husmann på Heia under bnr. 22 i 1900. Han fekk 4 barn i første gifte og 4 i andre:

1. Ingebret Njærheim, f. 13-5 1896, d. 6-5 1948, gift 7-10 1917 med Margit Svensdr. Opstad, f. 20-3 1897, d. 31-1 1920 (Opstad 90. 4.).
2. Anton, f. 6-9 1897, d. 31-8 1902.
3. Martin, f. 29-8 1900, d. 26-2 1907.
4. Mathilde, f. (1898?), gift 5-11 1927 med Jon Olson Salte, f. 1899. Budde ei tid på Njærheim.
5. Astrid, f. 1-6 1904, gift 2-6 1923 med Omar Lund, f. i Fredrikstad. Bur på Bø.
6. Olina, f. 9-5 1907. Bur i Bergen.
7. Anna, f. 7-7 1902, gift med Omund Helgeland, Ombo.
8. Kristian Alfred, f. 11-4 1910, d. s. dag.

134. Ole Ingebretson Kongvaren, son til 121., f. 31-1 1877, d. 9-11 1933, gift 4-11' 1898 med Anna Olette Olsdr., f. i Varhaug 3-6 1873, d. 25-10 1962, dotter til Ola Omundson Nor Halleland i Varhaug og kona Anna Elisabet Olsdr. frå Kongvaren. Dei var syskendbarn. Ola budde på bnr. 30, Grinnarvollen. Dei hadde 10 barn:

1. Anna, f. 7-10 1899, gift 3-11 1917 med Konrad Tjessem. (Gift 2 med Reidar Torvaldsen.)
2. Lisa Njærheim, f. 9-9 1901, gift 20-4 1918 med Lorents Albert Larsen.
3. Maria Njærheim, f. 13-5 1903, gift med Martin Eikeland.
4. Ingvald, f. 21-6 1905, d. 22-7 s. å.
5. Inga Olava, f. 11-3 1907, d. 8-9 1918.
6. Olina Njærheim, f. 19-4 1910, gift med Johannes Bærheim.
7. Olav Njærheim, f. 13-3 1912, gift 27-7 1946 med Hulda Teresia Stene.

8. Agnes Njærheim, f. 11-9 1915, gift med Martin Tjessem.
9. Målfrid, f. 12-5 1916, gift med Ola Høyland, Bryne, f. Re i Klepp 28-1 1898.
10. Ingolf Njærheim, f. 3-8 1919, gift med Gunhild Simonsdtr. Lima, f. i Time 1920. Bur på Furenes i Høyland.

135. Torger Tønnesson Salte, son til Tønnes Torgerson Salte og kona Berta Pedersdtr. Han var fødd 28-7 1869, død 12-4 1951. Gift med Anna Jorina Semsdotter Motland, fødd 7-8 1871, død 1945 (sjå **Sør-Reime** 31. 2.). Torger budde på bnr. 32, **Heio**. Dei hadde 7 barn:

1. Tønnes Salte, gift med Berta Rosland, f. 1895.
2. Berta Salte, f. 1898, d. 1949, gift med Toralf Andersen, Stavanger.
3. Sem Salte, f. 7-10 1899, gift med Berta G. Høyland (172. 1.). Bur i Stavanger.
4. Torger Salte, f. 30-11 1905, gift 10-1 1931 med Margit Søyland (Søyland 50. 1.). Torger død 22-6 1961 (167.).
5. Gunvald Salte, f. 31-3 1908, gift 30-9 1934 med Amalia Gjerstad, f. i Kvinesdal 16-3 1908. Sjøfør på Nærbø.
6. Aslaug Salte, f. 17-3 1911, gift med Harald Gudmestad, død (Gudmestad 47. 10.). Enkja bur på Nærbø.
7. Tom Salte, f. 30-12 1914, gift 7-10 1944 med Solveig Bekkeheien (Teodor og Hansine Bekkeheien, Høyland 166. 1.). Han er sjåfør på Nærbø (Høyl. 207.).

136. Ole Andreas Halvarsson, son til Halvar Halvarson Høyland og kona Ane Ole Andreasdtr. (Høyland 129.), f. 17-5 1873, d. 10-3 1958, gift 18-3 1897 med Hanna Sivertsdtr. Njærheim (sjå 95. 3.). Han tok over bnr. 16 etter Hans Andreasson. 11 barn:

1. Anna, f. 21-11 1897, d. 18-12 1945.
2. Hans, f. 8-1 1901, gift 26-11 1932 med Helga Rønneseth, Stavanger. Bur på Hå (20.).
3. Halvar, f. 27-7 1902.
4. Arne, f. 2-4 1905, gift 19-12 1931 med Jenny Bekkeheien (Høyland, Bekkeheien 215.).
5. Olaf, f. 26-6 1907, gift 16-12 1939 med Gunhild Serine Espetvedt frå Tønstad, f. 23-3 1911. Bur på Obrestad.
6. Helga, f. 30-10 1909, gift med Olaf Olseth (168.).
7. Agnes, f. 14-9 1912, gift med Johannes Bertin (Hartveit) Veseth, handelsm. på Njærheim.
8. Svein, f. 21-7 1915.
9. Solveig, f. 22-3 1918, tvilling.

10. Helena, f. 22-3 1918, tvilling.
11. Odd, f. 1-6 1921, gift m. Borghild Re.

137. Nils **Hansson**, son til 110., f. 2-5 1863, d. 24-3 1943, gift 15-4 1898 med Ingeborg Rimestad, f. 25-9 1875, d. 7-5 1929, dotter til Tønnes Toreson Rimestad og kona Ingeborg Maria Olsdtr. (Rimestad 58.). Han hadde bnr. 1 og 2 etter faren. — 9 barn:

1. Hans Njærheim, f. 25-12 1899. Brukar nå garden og er for tida ordførar og trygdekasse-styrar i Nærbø.
2. Tønnes, f. 1-3 1903, d. 2-3 1956, ugift. Gardbrukar på Stangeland, Klepp.
3. Inga, f. 25-11 1901, gift med Leonhard Obrestad (Obrestad 39. 2.).
4. Ingebjørg, f. 1-3 1905, gift med Karl I. O. Gausland (37.4.).
5. Torvald, f. 25-5 1908. I Amerika.
6. Njål, f. 3-4 1910, gift med Mildrid Kvía. Gardbrukar Stangeland i Klepp.
7. Berta Nilsdtr., f. 14-11 1912, gift med Bjarne Obrestad.
8. Ingfrida Charlotte Njærheim, f. 22-6 1915, gift med Halvar Olsen (Ogna), f. i Stavanger 24-12 1919.
9. Astrid Njærheim, f. 29-7 1920, gift med Svein Mæland.

138. Lars Larsson Brekken (sjå Sør Varh. 105. 1.). Han var fødd 22-2 1870, død 1940. Gift 28-11 1902 med Maria Jakobsdotter Voll, fødd i Varhaug 17-6 1882 (sjå Voll 80. 6.). Lars kjøpte bnr. 18 av Johannes Line i 1902. 6 barn:

1. Lars Njærheim, f. 13-1 1904, gift 1940 med Hanna Helmiksdtr. Høyland (sjå Høyl. 167. 1.). Bur på Tjøtta i Klepp.
2. Martin Njærheim, f. 2-6 1905. Busett i Amerika.
3. Ingeborg Njærheim, f. 6-1 1907.
4. Laurits Njærheim, f. 12-1 1910, gift med Karen Leonora Bø (sjå Bø 166. 1.). Bur på Njærheim.
5. Maria Njærheim, f. 24-4 1912, gift 18-9 1937 med Ragnar Johan Kvitvær, f. 10-7 1911. Bur på Njærheim.
6. Arne L. Njærheim, f. 25-11 1916.

139. **Karl Larsson Brekken**, bror til 138. Fødd 23-9 1876, gift 1) 15-3 1901 med Inger Maria Tønnesdotter Njærheim, f. 6-5 1872, d. 26-3 1905, gift 2) 27-10 1906 med Karen Tønnesdotter Njærheim, f. 16-2 1882, d. 9-2 1957, søster til Inger Maria (sjå 120. 1. og 3.). Karl tok over bnr. 19 etter Tønnes Ellingson i 1901. Han hadde 2 barn i første gifte og 8 i andre:

1. Margit Njærheim, f. 3-1 1902, d. 20-5 1965, ugift.

2. Trygve Njærheim, f. 10-3 1903.
 3. Lars K. Njærheim, f. 4-6 1908, d. 9-2 1963, ugift.
 4. Ingeborg Elisabet, f. 22-1 1911, gift 10-12 1938 med Magnus Abrahamson Aase, f. 19-1 1910. Bur på Pollestad.
 5. Karsten, f. 13-9 1912.
 6. Klara, f. 18-7 1914. Sønn: Olaf K. Njærheim f. (1939?), gift med Karen Tjessem.
 7. Tora, f. 24-2 1918.
 8. Berta, f. 16-4 1920.
 9. Magnhild, f. 29-1 1922.
 10. Eldrid, f. 21-11 1923.
 11. Randi, f. 18-11 1927, gift med Sem Salte, f. 8-5 1917 (Bø 206.).
140. Betuel Larsson Håland, son til Lars Olson Håland og kona Rakel Maria Jonsdtr. (Vestre Håland 25. 11.), f. 5-9 1872, gift 10-11 1905 med Karen Olsdtr. Nærland, f. 1-8 1878, d. 12-1 1956 (Nærland 42. 3.). Han tok over bnr. 28 etter Rasmus Gitleson (111.). Dei fekk 10 barn:
1. Ragna Maria, f. 17-3 1906, gift 1-8 1936 med Tobias Omundson Mellemstrand på Njærheim.
 2. Rasmus, f. 13-4 1908, d. 25-4 1914.
 3. Johanna, f. 3-12 1910, gift med Gabriel Vig.
 4. Leiv, f. 29-12 1912, gift 1943 med Ingeborg Larsdtr. Vigre, f. 10-5 1920. Brukar nå garden.
 5. Oli, f. 25-3 1915, gift 24-8 1946 med Erik Ludvigson Lima.
 6. Rasmus, f. 6-2 1917, gift 3-8 1957 med Marta Halland, Bergen. Bur på Våland.
 7. Bernt, f. 4-4 1919, gift med Sigrid frå Steinkjær. Dei har gard på Synstebby, Geithus.
 8. Klara, f. 22-2 1921, gift med Halvor Halvorson Salte. Bur på Vigre.
 9. Per, f. 16-7 1922, gift 30-6 1956.
 10. Kirsti, f. 7-7 1924, d. 10-8 1964, gift med Jonas Salte.
141. Elling Pederson var son til Peder Ellingson Høyland og kona Berta Maria Eriksdtr. (Høyland 151.), f. 27-2 1872, d. 22-7 1938, gift 7-11 1902 med Anna Olsdtr. Njærheim, f. 8-2 1880, d. 28-3 1926, dotter til 122. Han tok over bnr. 24 etter verfare. — 3 barn:
1. Olina, fødd 18-5 1907, gift 1946 med enkjemann Alfred Bjorland.
 2. Berta Olava, f. 15-10 1915, gift 1944 med snekker Olav Omundson Østrem, f. 30-3 1917. Bur på Nærbo.
 3. Peder Ellingson Njærheim, f. 27-4 1918, gift med Margot Pollestad, Høyland, f. 30-1 1917. Bur på Njærheim.
 142. Abraham Abrahamson, son til 126., var f. 7-10 1881, d. 30-3 1935, gift 6-5 1911 med Anna Andreasdtr. Njærheim (131.), f. 21-4 1877. Han brukte bnr. 5, Bruholen, etter faren. — 3 barn:
 1. Kirsten, f. 1-11 1911, gift 25-11 1939 med Torleif T. Kvia.
 2. Arne, fødd 7-8 1913, gift med Magna Djøseland. Brukar nå garden.
 3. Alfred, f. 5-4 1915, gift med Borghild (Olava) Gjerstad frå Kvinesdal. Bur på Søyland.
 143. Andreas Andreasson, son til 131., f. 22-9 1883, gift 1-12 1905 med Inger Torkelsdotter Rugland, f. 19-10 1879, d. 7-7 1957 (Rugland, Varhaug 39. 1.). Andreas tok over bnr. 35 etter faren. Dei hadde 8 barn:
 1. Rakel Njærheim, f. 2-6 1906, gift med Selmer Gjertsen, Mandal.
 2. Rakel Andrea, f. 5-7 1907, d. som barn. Sjå under 8.
 3. Ingrid Njærheim, f. 18-6 1914, gift med Oskar Olsen Høyland (sjå Søy. 47.).
 4. Andreas, f. 15-7 1909, død.
 5. Torleiv Njærheim, f. 13-9 1916, brukar farsgarden.
 6. Magnhild Njærheim, f. 9-11 1919, gift 1941 med Jon J. Bø (sjå Søy. 51. 3.).
 7. Anker Njærheim, f. 8-8 1922, gift 1949 med Ranveig Nord-Varhaug (sjå der 42. 6.).
 8. Ragna Njærheim, f. 24-3 1912, gift 1) 10-9 1932 med Elling E. Søyland (Søyland 50. 3.), gift 2) 1940 med Anton Høyland (Njærheim 144. 1.). — (Sjå ovanfor 2.)
 144. Adolf Halvardson Høyland (Høyland 168.), kjøpte plassen Bakketun bnr. 54, av Njærheim. Sonesonen Audun Høyland brukar nå plassen.
 145. Kristofer Tolleivson Hadland, son til Tolleiv Torgerson Hadland i Oгна og kona Karen Nettine Johannesdtr.. Han var fødd i Oгна 5-1 1875. Gift i Oгна med Anna Eliasdotter Stokkeland, fødd i Oгна 7-7 1885, dotter til Elias Kristensson Stokkeland frå Rennesøy og kona Gunhild Cicilie Larsdtr. frå Rennesøy. Kristofer brukte bnr. 22 frå 1908 til 1913. Budde på Brekken av Varhaug frå 1917. Av barna veit me om:
 1. Erling Hadland, f. 24-1 1909.
 2. Karen Hadland, f. 1-5 1910 (gift med Karl Refsland) (Refsland, Varh. 15.).
 3. Torleif Hadland, f. 9-11 1911, gift 1935 med Alfhild Assheim. Bur på Varhaug.
 4. Gunhild, f. 2-11 1912, gift med Ole Lobek (Reiestad 72.).

146. **Omund Johan Mellemstrand**, son til Ola Jensson Mellemstrand i Time og kona Ingeborg Olsdtr., f. Varp i Bjerkreim. Han var fødd 15-9 1878. Gift 15-10 1900 med Justine Ueland, fødd i Varhaug 18-10 1876, død 3-2 1966 (Ueland 68. 5.). — Omund Mellemstrand var i Montana nokre år i ungdommen. Seinare budde han ei tid på Våland og andre stader. I 1914 kjøpte han bnr. 22 på Njærheim. Dei hadde 8 barn:

1. Ingeborg Mellemstrand, f. 9-6 1901.
2. Tobias Mellemstrand, f. 30-1 1903, gift 1-8 1936 med Ragna Maria Håland (Njærheim 140. 1.). Bur på Høyland.
3. Inga Mellemstrand, f. 8-2 1905, d. 17-12 1948, gift 30-6 1928 med Nils Rasmussen Salte.
4. Othilde Mellemstrand, f. 6-7 1907, gift 12-11 1927 med Sigurd Jonasson Salte. Bur på Haa.
5. Janna Mellemstrand, f. på Våland 7-1 1910, gift 4-11 1937 med Anton Hansson Skretting (sjå Skretting, Varhaug 111. 12.).
6. Omund Johan Mellemstrand, f. 29-7 1913, gift 1) 9-6 1945 m. Rakel Gurine Sør-Reime, f. 26-9 1920, d. 24-6 1948, gift 2) 1950 med Ingeborg Titland, Lyngdal.
7. Ola Mellemstrand, f. 14-10 1915, gift 1945 med Oli Rimestad, f. 25-12 1920. (Severin og Teresia Rimestad.) Ola brukar farsgarden på Njærheim.
8. Sigurd Mellemstrand, f. 18-10 1917, gift 4-9 1943 med Gabrielle Høyland (Høyland 169. 7.). Brukar Njærheim saman med broren Ola.

147. **Torger Gudmestad** (sjå Næsheim 114. 3.), f. 10-4 1893. Gift 18-3 1914 med Jenny Jakobsdotter, fødd i Amerika 7-9 1893, dotter til Jakob Johnson frå Ljosland i Sirdal og kona Karen Eriksdtr., f. Lode (Lode 58. 6.). Torger Gudmestad kjøpte bnr. 4, Alvaneset, av Johannes Risvoll i 1914. Han har vore sekretær i likningsnemnda og forretningsfører for forsyningsnemnda i Nærbø. — Dei har 7 barn:

1. Toralv Gudmestad, f. 13-9 1914, gift med Liv Vigre, f. 18-1 1921 (Vigre 66. 5.). Bur på Alvaneset.
2. Olina Gudmestad, f. 15-2 1916.
3. Jakob Gudmestad, f. 11-2 1918, gift 1943 med Signe Vigre, f. 22-4 1916 (Vigre 63. 6.). Bur på Njærheim.
4. Kåre Gudmestad, f. 12-11 1920, gift 1947 med Tilla Høyland, f. 28-10 1925 (Høyland 179. 5.).
5. Torgeir Gudmestad, f. 30-5 1923, gift

4-9 1948 med Berit Marie Erga, f. 17-10 1926. Bur på Njærheim.

6. Jostein Gudmestad, f. 12-4 1926, gift 1955 med Eli G. Pollestad, f. 20-7 1935 (Høyland 189. 1.).
7. Elbjørg Gudmestad.

148. **Peder Olson Njærheim**, son til 128., f. 30-5 1879, d. 19-5 1964, gift (1911?) med Anna Napoleonsdotter Njølstad, f. 20-2 1882, d. 2-9 1947 (sjå Njølstad 14. 14.). Han tok over bnr. 26 etter faren i 1910. Ikkje barn. Tobias Skretting har overteke bruket (sjå 178.).

149. **Jakob Ingebretson Njærheim**, son til 129. f. 9-12 1887, d. 14-1 1965. Gift 29-6 1919 med Oline Gudmestad, f. 24-10 1898 (sjå Næsheim 114. 6.). Jakob tok over bnr. 29 etter faren i 1924. Dei har ikkje barn. — Systersonen, Ingebret Fjogstad brukar garden (177.).

150. Hans Hansson Njærheim, son til 114., fødd 1-1 1885. Han tok over bnr. 10 etter faren i 1917. Er ugift.

151. Hans Nilsson Njærheim, son til 137., fødd 25-12 1899. Tok over bnr. 1 og 2 etter faren i 1932. Gift med Ellen Birgith Erga, f. 26-3 1916. Har vore ordfører i Nærbø og sjef for Haa Trygdekasse.

151B. Fanuel Svenson Ravndal, fødd i Gjesdal 18-1 1879, gift 1905 med Elen Birgitte Bjørnson, f. i Vikedal 28-5 1880, dotter til Ola og Borghild Bjørnson. — Fanuel Ravndal kom til Nærbø som lærar kring 1903. Han var den første som budde på lærargarden på Njærheim. I 1911 vart han tilsett som lærar og klokkar i Klepp.

152. Matheus Martinson Moi, son til Martin Velle-Kristianson Moi i Bjerkreim frå Lea i Høyland og kona Valborg Olsdtr., f. Sikvaland i Time. Han er f. 14-1 1882, d. 19-11 1967. Gift 29-8 1907 med Regine Tjølstdotter Årsland, fødd i Klepp 27-10 1884, død 19-6 1959 (sjå Årsland, Varh. 38. 2.). Matheus Moi var lærar i Nærbø og budde på Lærargarden, bnr. 17. Men Matheus Moi var ein jordhungerande mann, og den vesle jordlappen som lærargarden var kunne ikkje stille jordtrongen hans. Så fekk han kjøpa ein part av bnr. 22 som Kristofer Hadland då brukte kring 1910, dessutan Alvaneset av Abraham Gabrielson. Så kjøpte han Annarbakken, bnr. 1 av Søyland, som sonen Magnus Moi tok over i 1937. I 1920 kjøpte han ein stor gard på Mit Salte i

Klepp, som han seinare skifte mellom 4 søner. Nå hadde han gjort seg jordlaus. Men det var ikkje etter Matheus Moi sitt sinn. Etter at han hadde vorte enkjemann, kjøpte han i 1959 ei hustuft av Bjorhaug på Nærbø stasjon, der han nå har hus med ein liten hage (1910?). — Matheus Moi var først lærar frå 1902 til 1904, sidan har han vore lærar i Nærbø. Dei har hatt 12 barn:

1. Martin Moi, f. i Oagna 9-9 1908. Bur på Salte.
2. Trygve Moi, f. i Oagna 15-12 1909, gift med Magna Horpestad, f. i Klepp 24-7 1913. Bur på Salte.
3. Valborg Moi, f. i Nærbø 10-10 1911, død 2-1 1951. Sjukesøster.
4. Johanna Moi, f. 1913, gift 3-12 1939 med Andreas K. Horpestad, f. i Klepp 19-7 1908. Bur på Rosland i Klepp.
5. Astrid Moi, f. 26-4 1915, sjukesyster i Oslo.
6. Kristian Moi, f. 10-1 1917, gift 1950 med Olaug Langeland, f. i Time 16-5 1928. Bur på Salte.
7. Magnus Moi, f. 9-1 1919, gift 1951 med Nikolina Anda, f. 24-5 1923. — Bonde på Søyland og lærar ved Jordbruksskulen på Øksnevad.
8. Olav Moi, f. 5-1 1921, gift 9-4 1949 med Tordis Braut, f. i Klepp 9-12 1923. Bur på Salte.
9. Randi Moi, f. 21-11 1922, gift 4-8 1947 med Ragnar Strand frå Svolver. Handelsmann i Stavanger.
10. Torstein Moi, f. 2-11 1924, gift 1953 med Agnes Jakobsen, f. i Time 3-3 1931. Lærar og klokkar i Time.
11. Jens Moi, f. 17-1 1927, gift med Astrid Vig. Bur på Salte.
12. Harald Moi, fødd 17-1 1927, gift med Bjørg Laland.

153. **Kommunen (lærar Ragnvald Hidle).** Nærbø Kommune kjøpte denne parten, bnr. 37 Måltun (av Ingebret Jakobson, 129.), i 1905, og har sidan vore nytta til lærarbustad. — Fanuel Ravndal var den første læraren som budde her. Etter han kom Ragnvald Hidle. — Han er fødd i Sjernarøy 8-7 1913, son til Nils og Bergitte Hidle. Gift 30-8 1941 med Marta Maria Nærland, f. 30-8 1909 (Nærland 53. 4.). Barn:

1. Berit Hidle, f. 18-7 1942.
2. Nils Hidle, f. 2-6 1944.
3. Tor Hidle, f. 22-8 1946.
4. Ivar Hidle, f. 22-8 1946.
5. Marit Hidle, f. 6-8 1949.

154. **Arne A. Njærheim**, son til 142. fødd

7-8 1913. Gift 19-12 1936 med Magna Teresia Tønnesdotter Djøseland, f. 21-10 1914 (Djøseland, Varhaug 57. 8.). Arne Njærheim tok over bnr. 5, Bruholen, i 1930. — Barn:

1. Anna A. Njærheim, f. 2-1 1937.
2. Mary Njærheim, f. 26-1 1940, gift 1961 med Magnor Nordby, Oddernes.
3. Ally Teresa Njærheim, f. 29-1 1942, gift 1964 med Gunleiv Reime.
4. Arthur Njærheim, f. 11-2 1946.
5. Terje Njærheim, f. 26-2 1953.

155. Halvor, Svein og Odd Njærheim (sjå 136. 3., 8. og 10.). Dei tok over bnr. 16 etter faren i 1946. Odd fødd 1-6 1921. Gift 23-9 1950 med Borghild Re, fødd i Time 16-7 1919 (sjå Bjorhaug 28. 5.).

156. **Laurits L. Njærheim**, son til 138., f. 12-1 1910. Gift 13-9 1947 med Karen Leonora Bø, f. 25-10 1923 (Bø 166. 1.). Laurits Njærheim tok over ein part av farsgarden, bnr. 18, i 1935.

157. **Karsten K. Njærheim**, son til 139., f. 13-9 1912. Han tok over bnr. 19 etter faren i 1944.

158. **Ola Mellemstrand**, son til 146., f. 14-10 1915. Gift 13-10 1945 med Olina Rimestad, f. 25-12 1920 (Rimestad 74. 3.). Han tok over bnr. 22 etter faren saman med broren Sigurd Mellemstrand i 1949. — Barn:

Oddvar Mellemstrand, f. 27-11 1946.

159. **Sigurd Mellemstrand**, bror til 158., f. 10-10 1917. Gift 4-9 1943 med Gabrielle Høyland, f. 1-24 1915 (Høyland 169. 7.). Sigurd Mellemstrand tok over bnr. 22 saman med broren Ola. Barn:

Oddmund, gift 1956 med Else Motland.

160. **Peder E. Njærheim**, son til 141., f. 27-4 1918. Gift 1-4 1939 med Margot Pollestad, f. 30-1 1917 (Høyland 181. 1.). — Peder Ellingson tok over bnr. 24 etter faren i 1940. Barn:

1. Einar P. Njærheim, f. 25-9 1940, gift 1961 med Åsa Medalen.
2. Kåre Njærheim, f. 12-3 1944, gift 1963 med Else Berit Bekkeheien.
3. Anna Møyfrid Njærheim, f. 12-1 1950.

161. **Leiv Håland**, son til 140., fødd 29-12 1912. Gift 1942 med Ingeborg Vigre, fødd 10-5 1920 (Vigre 67. 4.). Leiv Håland tok over bnr. 28 etter faren i 1937. Barn:

1. Børge Håland, f. 23-3 1943, gift 1963 med Ellen Salte.

2. Livar Håland, f. 12-3 1948.
3. Karin Håland, f. 19-3 1952

162. Olav Ingebretson Njærheim, son til 134. fødd 13-3 1912. Gift 27-7 1946 med Hildur Stene, fødd 27-8 1910, dotter til Hans og Theodora Stene. Han tok over bnr. 30 etter faren i 1933. Barn:
Odd Helge Njærheim, f. 2-7 1953.

163. Gunvald Salte, son til 135., f. 31-3 1908. Gift 1934 med Amalia Gjerstad, f. i Kvinesdal 16-3 1903, dotter til Samuel og Anne Gjerstad. Gunvald Salte tok over bnr. 32 etter faren i 1939. Han er sjåfør. Barn:

1. Alvhild Salte, f. 24-10 1935.
2. Tor Salte, f. 11-2 1937, gift 1961 med Mildrid Wiig.
3. Astrid Salte, f. 12-9 1938, gift 1958 med Konrad Kvitvær.
4. Solveig Salte, f. 17-6 1941.
5. Ann-Gerd Salte, f. 12-10 1944.
6. Turid Margrete Salte, f. 29-10 1948.

164. Torleif A. Njærheim, son til 143., f. 5-9 1916. — Han tok over bnr. 35 og 36 etter faren i 1939.

165. Kristian A. Høyland, son til 144., f. 4-4 1909. Gift 30-6 1934 med Petra Sør-Reime, f. 4-11 1912 (S. Reime 41. 12.). Kristian Høyland tok over bnr. 38 (etter faren?) i 1934. Barn:

1. Audun Høyland, f. 8-3 1935, gift 1961 med Gullborg Langesæter, Øystese.
2. Asgaut Høyland, f. 5-10 1937, gift med Ingunn Stemmen.
3. Bodil Høyland, f. 1-6 1939, gift med Helge Horpestad.
4. Kjell Høyland, f. 9-5 1942.
5. Steinar Høyland, f. 19-10 1946.

166. Jakob Gudmestad, son til 147., fødd 11-2 1918. Gift 1943 med Signe Vigre, fødd 22-4 1916 (Vigre 63. 6.). — Jakob Gudmestad tok over ein part av Njærheim Østre, bnr. 39, i 1950.

167. Torger T. Salte, bror til 163., fødd 30-11 1905, død 22-6 1961. Gift 10-1 1931 med Margit Søyland, fødd 28-2 1907 (Søyland 50. 1.). Torger Salte tok over bnr. 44, Heimtun, i 1953. Barn:

1. Torger T. Salte, f. 29-3 1931, gift med Kjellaug Vigre.
2. Anna Salte, f. 12-2 1934.
3. Sigfrida Salte, f. 3-4 1937.
4. Torhild Maria Salte, f. 23-5 1947.

168. Olav Olset, f. i Askevold 16-2 1906, son til Peder og Malena Olset. Gift 1934

med Helga Njærheim, f. 23-10 1909 (136. 6.). Olav Olset tok over ein part av verfarens sit bruk, bnr. 47 Nyheim, i 1935. Barn:

1. Ola Olseth, f. 25-1 1935.
2. Magne Olseth, f. 6-11 1936, gift 27-3 1965 med Reidun Reiestad, Høle.
3. Helena Olseth, f. 16-3 1941, gift 17-2 1962 m. Karsten Gunvald Håstø, Time.

169. Ragnar Kvitvær, fødd på Helgeland i Nord-Norge 10-7 1911, son til Konrad og Jensine Kvitvær. Gift 18-9 1937 med Maria Larsdotter Njærheim, fødd 24-4 1912 (138. 5.). Ragnar Kvitvær er målar og sjømann. Han tok over ein part i Njærheim, Bakketun bnr. 49, i 1947. — Barn:

1. Molly Kvitvær, f. 27-6 1937.
2. Kjell Jan Kvitvær, f. 10-8 1946, gift 1967 m. Mai Hegdal, Trones, Sandnes.
3. Lidvar Kvitvær, f. 29-5 1950.

170. Trygve K. Njærheim, son til 139., f. 10-3 1903, d. 2-4 1966. — Gift 1938 med Astrid Rønneseth, fødd i Stavanger 18-3 1905, dotter til Hans og Anna Rønneseth. Trygve Njærheim kjøpte ein part, Kistehagen bnr. 50, i 1946. Barn:

1. Kåre Njærheim, gift 1965 med Nancy Lunde.
2. Harald Njærheim, gift med Gunnvor Karin Østerhus, Erfjord.
3. Tor Asbjørn Njærheim, gift med Torunn (Sør-Reime 55. 3.).
4. Anne Marie Njærheim gift med Tormund Ase.
5. Kirsti Njærheim.
6. Torhild Njærheim.
7. Leif Njærheim.

171. Holger Heiberg, son til Torvald og Berta Heiberg, fødd i Sola 20-3 1917. Gift med Maria Vigre, fødd 17-7 1916 (Vigre 65. 3.). Holger Heiberg kjøpte ein part i Njærheim, bnr. 51, i 1947. Barn:

1. Liv Heiberg, f. 18-2 1940, gift 1958 med Gaute Hegrestad, Nærbø.
2. Tønnes Heiberg, f. 4-6 1946.
3. Torunn Heiberg, f. 25-9 1954.

172. Karsten Heiberg, bror til 171., fødd i Time 20-6 1920. Gift 1945 med Olaug Egeland, fødd i Time 8-6 1920, dotter til Aleks og Elisabet Egeland. Han kjøpte ein part i Njærheim, bnr. 52, i 1947. — Barn:

Gunn Heiberg, f. 6-3 1954.

173. Toralf Gudmestad, son til 147., f. 13-9 1914. Gift 14-9 1940 m. Liv Vigre, f.

8-1 1921 (Vigre 65. 5.). Toralf Gudmestad tok over ein part i Njærheim, Nortun bnr. 53, i 1946. Barn:

1. Tor Leif Gudmestad, f. 16-3 1946.
2. Jan Tarald Gudmestad, f. 23-3 1947, gift 10-4 1965 med Kari Erga, Klepp.
3. Torhild Gudmestad, f. 8-1 1954.
4. Frøydis.

174. **Anton A. Høyland**, son til 144., fødd i Time 1-5 1911. Gift 1940 med Ragna Njærheim, fødd 24-3 1912 (143. 8.). — Anton Høyland tok over Bakketun, bnr. 54., i 1947. Barn:

1. Bjørg Høyland, f. 8-2 1941, gift 1966 med Ole Bergene, Time.
2. Astor Høyland, f. 2-6 1943, gift 1965 med Sigfrid Laland, Klepn.
3. Alf Høyland, f. 9-11 1946, gift 1966 med Aud Else Mellemstrand.

175. **Johan Kvitvær**, bror til 169., fødd på Helgeland 8-5 1903, død 22-10 1968. Gift 1925 med Borghild Nordli, fødd i Rindal 2-9 1901, dotter til Peder og Maren Nordli. Johan Kvitvær var mekaniker og sjømann. Han kjøpte ein part på Njærheim, Solbakken bnr. 55, i 1938. Gift 2) med Alma Hakvåg. Barn:

1. Hans Kvitvær, f. 15-1 1926 (sjå Høyland 209.).
2. Konrad Kvitvær, f. 29-3 1928, gift 1958 med Astrid Salte (f. 12-9 1938, nr. 163. 3.?).
3. Bodvar Kvitvær, f. 11-1 1931.
4. Terje Kvitvær, f. 16-3 1937.
5. Reidun Kvitvær, f. 10-12 1941.

176. **Agnes Njærheim**, dotter til 136., f. 14-9 1912. Gift med Johannes Bertin Veth. Agnes Njærheim driv kolonial- og manufakturhandel på Njærheim og har hus og grunn, bnr. 48, kjøpt i 1947.

177. **Ingebret Fjogstad**, son til Karl Tore-son Fjogstad på Sandnes og kona Hanna, f. Njærheim (sjå 139. 1.). Ingebret Fjogstad tok over bnr. 29 etter morbroren Jakob Ingebretson. Gift 12-10 1946 med Mathilde Risa, f. 6-7 1924 (Risa 102. 9.).

178. **Tobias Skretting**, son til lærar Magnus Skretting og kona Margreta Kvia (sjå Skretting, Varh. 111. 11.), fødd 18-4 1936. Gift 19-6 1960 med Jofrid Gausland, fødd 3-2 1941 (sjå Gausland 40. 1.). Tobias tok over bnr. 26 etter Peder Olson Njærheim.

G.nr. 9. Haavdgs Laksefiskeri

Dei opplysningane eg har om Håvågs Laksefiskeri er frå 1723 til 1906. På laksefisket kvilte ei landskuld på 1 laup smør i 1723.

NAMNEREGISTER

1. Amtmann Frimann
2. Jon Tollefson Skeie
3. Hans Muller
4. Varhaug Kyrkja
5. Johannes J. Reime
6. Nærlands oppsitjarar
7. Peder J. Reime
8. Tjærand Søyland
9. Peder J. Reime
10. David Torgerson
11. Mons Henrikson Vig
12. Ola Olson Nærland
13. Gabriel Erikson Nærland
14. Tjøl Hansson Nærland
15. Torsten E. Nærland
16. Tjærand I. Nærland
17. Ola Tjærandson Søyland
18. Mons Vig
19. Hans P. Obrestad
20. David Torgersen
21. Enkefru Jørgensen
22. Tjøl Hansson Nærland
23. Siver Vigs enke
24. Erik G. Nærland
25. Ola Olson Nærland
26. Abraham J. Nærland
27. Tjærand Paulson Nærland
28. Gunnar Tjærandson Nærland
29. Elling E. Nærland
30. Ole Tjærandson Søyland
31. Hans P. Obrestad
32. Jon Hansson Obrestad
33. Enok Ellingson Nærland
34. Tobias Enokson Nærland
35. Ola Gitleson Nærland
36. Palle Ellingson Nærland
37. Elias Abrahamson Nærland
- 37B. Jakob Abrahamson Nærland

38. Erik Gabrielson Nærland
39. Tobias Erikson Nærland
40. Elling Eivindson Nærland
41. Eivind Ellingson Nærland
42. Henrik O. Søyland
43. Eivind E. Nærland
44. Jon Hansson Obrestad
45. Tobias Nærlands enke
46. Tobias Erikson Nærland
47. Palle E. Nærland
48. Elias og Jakob Nærland
49. Eivind og Elling Nærland
50. Eivind Nærlands enke.

1. Hrr. Amtmann og lagmann Frimann brukte y> laup 1730/1745 som var kongeleg majestæts gods benefiseret Stavanger lagstol.

2. Jon Tollakson Skeie og Paul Grødeland brukte og åtte y> laup 1730/1745.

3. Hans Muller på Skeie, Jon Skeie sin verson, åtte y> laup som Jon Skeie brukte 1746/1772.

4. Varhaug Kyrkja brukte y2 laup 1746/1772, som Lagstolen åtte.

5. Johannes Johannesson Reime brukte 1/2 laup som Lars Pederson Kvia åtte 1778/1800. (Sjå Reime 25. og Kvia 24.)

6. Nærlands oppsitjarar brukte og åtte 1/2 laup 1772/1800/1832.

7. Peder Johannesson Reime brukte Lars Kvia sin part 1810/1845, frå 1810 var han medeigar.

8. Tjærand Søyland åtte y2 laup frå 1826 som Lars Kvia brukte.

Frå 1833 har smørskulda vorte bytt med kornskuld som då er 24 spand eller 1 pund. Eigjarne er då:

9. **Peder Johannesson Reime**, 6 spand.

10. **David Torgerson**, Sandnes, står som brukar av desse frå 1845.

11. **Mons Henrikson Vig** har teke over 3 spand av David Torgerson i 1846.

12. **Ola Olson Nærland** eig 3 spand 1833/1850.

13. **Gabriel Erikson Nærland** eig 3 spand 1833/1850.

14. **Tjøl Hansson Nærland** eig 3 spand 1833/1850.

15. **Torsten Eivindson Nærland** eig 3 sp. 1833/1850.

16. **Tjærand Isakson Søyland** eig 3 spand 1833/1839.

17. **Ola Tjærandson Søyland** eig 3 spand 1839/1850.

Frå 1851 er kornskulda omgjord til smørskuld som er omrekna til ort og skilling. Då var eigarane:

18. **Mons Vig**, 9 mark smør = 2 ort 19 skilling.

19. **Hans P. Obrestad** har teke over Mons Vig sin part frå 1856.

20. **David Torgerson** har 9 mark smør = 2 ort 19 skilling 1851/1954.

21. **Enkefru Jørgensen** på Haa har denne parten i 1854, og Hans P. Obrestad frå 1856.

22. **Tjøl Hanson Nærland**, 9 mark smør = 2 ort 19 skilling 1851/1864.

23. **Siver Rasmusson Vigs enkje**, 9 mark smør 1850/1861.

24. **Erik Gabrielson Nærland** har denne parten i 1861.

25. **Ola Olson Nærland** 9 mark smør = 2 ort 19 skilling 1851/1864.

26. **Abraham Jonson Nærland**, 9 mark smør = 2 ort 19 skilling 1851/1864.

27. **Tjærand Paulson Nærland**, 9 mark smør = 2 ort 19 skilling 1851/1854.

28. **Gunnar Tjærandson Nærland**, 9 mark smør = 2 ort 19 skilling 1854.

29. **Elling Eivindson Nærland**, 9 mark smør = 2 ort 19 skilling 1861/1864.

30. **Ola Tjærandson Søyland**, — 9 mark smør = 2 ort 19 skilling 1851/1864.

Frå 1865 er skulda oppført i mark og øre.

31. **Hans P. Obrestad**, 1 dalar 13 skilling, ny 4 ort 2 skill.

32. **Jon Hansson Obrestad**, 1 mark 61 øre i 1893.

33. **Enok Ellingson Nærland**, 2 ort 1 skill, i 1865.

34. **Tobias Enokson Nærland**, 82 øre i 1892.

35. **Ola Gitleson Nærland**, 2 ort 1 skill, i 1865.

36. **Palle Ellingson Nærland**, 82 øre i 1889.

37. **Abraham Jonson Nærland**, 2 ort 19 skill, i 1865.

37B. **Elias A. og Jakob A. Nærland**, 82 øre i 1893.

38. **Erik Gabrielson Nærland**, 2 ort 19 skill, i 1865.

39. **Tobias Erikson Nærland**, 82 øre i 1893.

40. **Elling Eivindson Nærland**, — 2 ort 1 skill, i 1865.

41. **Eivind og Elling Ellingson**, 82 øre i 1893.

42. **Henrik O. Søyland**, 2 ort 19 skill, i 1865.

43. **Eivind Ellingson Nærland**, 82 øre i 1893.

I 1906 står desse som eigarar av Haavågs Laksefiskeri:

44. **Jon Hansson Obrestad**, 1 mark 64 øre.

45. **Tobias Nærlands enkje**, 82 øre.

46. **Tobias Erikson Nærland**, 82 øre.

47. **Palle Ellingson Nærland**, 82 øre.

48. **Elias og Jakob Nærland**, 82 øre.

49. **Eivind og Elling Nærland**, 82 øre.

50. **Eivind Nærlands enkje**, 82 øre.

Det har gjennom tidene vore mykje strid og usemje om Haavågs Laksefiskeri. — (Sjå t. d. Tingbok VI side 198 til 202, og Tingbok VII side 272.)

Me skal ikkje her ta med meir om dette laksefiskeriet, då det vel ikkje har så mykje å seie i våre dagar.

G.nr. 10. Haa Prestegard

Såvidt me veit har prestane butt på Haa både før og etter reformasjonen. Men ei tid før og etter 1600 budde nok presten på Bø. Me veit såleis at presten Kristen Lind budde på Bø og truleg flutte til Haa i 1630-åra.

Haa prestegard ligg ved sjøen, der som Haa-åno osar ut i Haavågen mellom Nærland og Obrestad. Namnet Haa er ikkje godt å tyda, når ein tek omsyn til lendet der garden ligg. Haa tyder vel høgt. Men Haa-garden kan ikkje seiast liggja sers høgt, utan ein reknar med den høge brekka der Obrestad fyr ligg, og som truleg har høyrte til Haa-garden. Ellers er lendet flatt og lågt. Etter O. Rygh kan namnet Haa koma av høl eller hæl, og der er vel både nå og har vore ein eller fleire høljar i Haa-åno, og ein og annaii hælén kan vel og stikke ut i både sjøen og åno.

Ikkje langt frå prestegard-husa er gjort gamle grav-funn og funn som kan tyda på at det har vore ei kyrkje her i gamal tid. I 1919 vart Haa nedlagd som prestegard og eit bruk på Skjærpe vart kjøpt til preste-bustad. Sidan vart Haa selt og der har vore skiftande eigarar sidan.

Me skal nå freista å finne fram til dei ymse prestane som har butt på Haa frå kring 1600.

PRESTE-REGISTER

Sigvard Elling 1519

Siguard nemnd på Haa i 1519.

Erlend nemnd på Haa i 1519.

1. Jon Erlendson
2. Kristen Lauritzson Lind
3. Peder Nilsson Sætesdal
4. Laurits Samuelson Lind
5. Peder Erikson Leganger
6. Ludvig Hermanson Schultz
7. Sigvard Munch
8. Bendix Djurhuus

9. Nils Grøver
10. Søren Michael Kastrup
11. Christen Juel Sandberg
12. Jan Theodor Kielland
13. Knut Jørgensen
14. Andreas Hansen
15. Vilhelm Hansteen
16. Hans Landstad
17. Karenos Theodor Holm
18. Søren Dahl
19. Ola Ohnstad
20. Johan Tande
21. Zakarias Brekke
22. Alfred Fidjestøl

HAA

1. Jon Erlendson er den første kjende presten etter reformasjonen, som me veit om. Han var prest i Bø kall frå reformasjonen til ut i siste halvparten av 1500-talet. Det er truleg at han budde på Bø, men det kan og sjå ut til at han har butt på Haa. Somme granskarar har meint at ei dotter hans var gift med ein mann som heitte Knut, og som må ha vore meir enn ein vanleg bonde, og butt ein stad i sørparten av Jæren, kanskje Obrestad eller Hobberstad eller der ikring. Noko visst veit me ikkje om dette. (Sjå ellers under Nærland 6.)

2. Kristen Lauritsson Lind var prest til Bø frå kring 1610, død kring 1640. — R. A. Håland, den kjende ættegranskaren frå Klepp, fortel om Kristen Lind, at han fekk Bø kall i 1612,- etter Jon Ellingson, som døde det året. Han var provst over Jæren frå 1623. Den 11-6 1637 fekk han garden Haa for seg og kona så lenge dei levde, og etter deira tid for eit av barna til bustad og bruk. Han flutte frå Bø til Haa i 1637 eller 1638. Han var son til Laurits Kristenson Lind som var prest i Klepp frå 1536. Kristen Lind var gift

med Margreta Pedersdotter Trane, fut i Sunnhordland, og kona Karine. Kristen Lind døde kring 1640. Ved skiftet etter Margreta 24-10 1670 er nemnd 6 barn:

1. Peder Kristenson Lind, prest til Lye.
2. Kristen Kristenson Lind i Stavanger.
3. Karen Kristensdr. budde i Hardanger.
4. Anna Kristensdr. Lind (sjå Høyl. 16.).
5. Berit Kristensdr. budde i Trondheim.
6. Maren Kristensdr., gift 1) med Karl Vikadal (Willumson), gift 2) med Jens Pederson Godzen.
7. Margreta Ødemotland (sjå Ødemotland 4.).

3. Peder Nilsson Sætisdal, var komen frå Setesdal der han hadde vore prest, men for skuld drykk og annor ulivnad vorte dreven frå ombodet sitt der. Han kom til Haa og gifta seg med enkja etter Kristen Lind. Han døde i 1655, og Margreta sat sidan på enkjesætet Søyland I dei tider budde ein mann på Søyland som heitte Nils. Han gjorde Margreta retten stridig til å bu på Søyland og ville rive husa og føre dei frå garden. Margreta la sak mot han for det, som er for retten 24-1 1656. (Om dette sjå Tingbok I side 102.) Ho døde i 1670 og må ha vore mykje gamal.

4. Laurits Samuelson Lind var brorson til Kristen Lauritsson. Son til Samuel Lauritsson Lind som var kapellan i Stavanger og seinare prest i Finnøy. Laurits Samuelson vart prest i Bø kald etter Peder Nilsson i 1655. Gift med Margreta Hansdotter. Dei døde begge i 1668, skifte etter dei 28-9 det året. Dei let etter seg 6 barn:

1. Karen Lauritzdr., gift m. prest Peder Erikson Leganger (5.).
2. Mette Lauritzdr., gift med Søren Sørensen Hofman, Sjernarøy.
3. Elen Lauritzdr., gift 1) med Størkard Erikson Kvalbein i Ognå, gift 2) med Tore Mortenson Kvalbein.
4. Frøken Lauritzdr., gift 1) med kjøpmann Hans Danielson i Sokndal, gift 2) med kjøpmann Gunnar Halvardson Normann.
5. Hans Lauritzsen Lind, truleg død ung.
6. Samuel Lauritzsen Lind, truleg død ung.

R. A. Håland, som eg har dette frå, har skrivt opp ei avskrift av skifteforretninga etter Laurits og Margreta Lind, som er overlag forvitneleg og finst prenta i Rogaland Historielags årshäfte for 1928, side 42.

5. Peder Eriksen Leganger var fødd i Leikanger og var son til sokneprest Erik Ivarson Nordal og kona Lena Splidsdr., fødd i 1638 og døde på Haa 1707. Han vart student frå skulen i Stavanger i 1657. Gift kring 1677 med Karen Lauritzdotter Lind (4. 1.) som døde i 1697. I 1674 hadde Peder Leganger og leigendingane hans, Ola og Torkel Gausland (5B og 6) stemnt oppsittjarane på Garborg "anlangende nogen eng och march som de paa Garbore sig i aar och forgangen (aar) haffuer (sig) bemegtiget, saasom ved deres (?) ladet oplede och forene, nemblig Prestefedit som ligger under Gousland och altid haffr fuldt forne gard . . ." (Sjå meir om dette i Tingbok I side 238 og 278.) Peder Leganger og Karen Lind hadde 6 barn:

1. Lena Leganger, gift med rådmann Cort Høyer i Stavanger.
2. Erikka Marie Leganger, gift med kjøpmann Thomas Jørgensen i Stavanger.
3. Johanna Catharine Leganger, gift med skipper Theophilus Sørensen Schanche i Eigersund.
4. Erik Pederson Leganger, var prest i Eigersund, Veøy og Romsdal.
5. Lauritz Leganger, prest i Lye og Aremark.
6. Anna Leganger, gift m. Ludvig Schultz (sjå 6.). Dotter hennar vart gift med byfut Søren Ringholm i Stavanger.

6. Ludvig Hermanson Schultz var son til kjøpmann i Bergen, Herman Schultz og bispedottera Helvig Ludvigsdr. Munthe. Han var fødd i Bergen kring 1673, død 1733. Gift kring 1701 med Anna Leganger (5. 6.), fødd kring 1685, Ludvig Schultz var huskapellan hjå Peder Leganger i 1701, og då Leganger var død i 1706 vart han ettermannen hans i Bø eller Haa prestekall. Hrr. Schultz var ein vitløftig herre som ikkje tålde noko atterhald i dei timelege ting, helst når det gjaldt rettane hans hjå bygdefolket til offer og tiende, bykselavgift og anna som vedkom økonomien hans. På den andre sida var han ikkje alltid så nøyereknande, når det gjaldt andre folk sine retter. Han låg ofte i søksmål med ein eller annan, både som saksøkjær og som saksøkt, det syner tingbøkene i den tid han var prest. Her nokre døme:

Den 24-11 1725 hadde kaptein Leschly stemnt Ludvig Schultz på veigne av tamburen Bård Klengson fordi han hadde bøgsla eit bruk på Haugland i Valle til nemnde tambur Bård Klengson for 60 riksdalar og fenge utbetalt 20 rdl. Dette

var imot gjeldande lov, då ingen soldat hadde rett til å eige eller byksle jord. Kapteinen kravde at presten skulle betale tilbake dei 20 dalane, som presten nekta. Saka enda med at Bård tambur "for sin pretention blef fornøjet".

Saka som Ludvig Schultz førde om Haa-vågs Laksefiskeri mot lensmann Jon Tollakson Skeie, der han kravde ein åttande part av laksen for seg som landlod. Denne saka er så forvitneleg, at me skal ta full avskrift av rettsboka:

"Anno 1732, den 25 Juli. Deres velærværdighed Hrr. Ludvig Schultz hafde ved mundtlig varsel ladet indstevne til tingsvidnes erhvervelse Mogens Biaarland, Isach Nærland og Rasmus Olsen at vidne om en 8ende part udi Haa Vaags Laxe-Fiskerie. Og lensmanden Joen Tollachsen Scheje til vedermæle og vidners paahør. Saa møtte paa velbemeldte Hrr. Ludvig Schultzes veigne monsieur Jess Admmessbøll, saa og lensmanden Joen Scheje, som vedtoog varselens lovlighed. Af de indstevnte vidner møtte Mogens Biaarland, der efter aflagd saligheds eed med opragte fingre, efter loven, vant saaledes, at for over 40 aar siden tiende vidnet ved Haa Vaags Laxe-Fiskerie for afg. Niels Kierulf, som var visiteur udi Stavanger. Og var da vidnet 3de aar ved samme tjeneste. I den tiid nød Sognepræsten til hans kald den 8de part eller deel af Laxe-Fiskeriet udi Haa Vaag imod at han bekostede 8 fafner i nooden, og holdt een mand udi 6 uger ved fiskeriet. Contra citanten, Joen Skeje, tilspurte vidnet, om han viste præsten til Haa Kald hafde ret til samme 8de part. Dertil vidnet svarede, at han herom iche var viidende, enten det var ejendom eller beneficeret. Monsieur Admmessbøll paa citantens veigne, tilspurte vidnet, om han iche var viidende at baade før og efter den tiid sædvanlig Sognepræsten til Haa Kald denne rettighed har nødt. Vidnet svarede, at i den tiid han tiende, hørte han af en gammel høvetsmand paa nooden, at præsterne sædvanlig hafde nødt den 8de part af Laxefiskeriet til landslood.

Contra citanten, Joen Skeje, tilspurte atter vidnet, om han nogen tiid kunde siige, enten før eller efter han tiende der, at der var bærmme med laxenooden paa præstens land, og om det iche var alle tiider bærmmet paa skjær udenfor landet paa skjær i aaben søe.

Viidere paa citantens veigne tilspurt om han viste at det var for landslood eller anden tilhørende rettighed. Vidnet sva-

rede, at eendeel kaldede det landslood, eendeel den 8de parts rettighed til presten, da præsten altid nød den 8de fisk. Noch tilspurte contra citanten, Joen Skeje, vidnet om han viste at præsten paa Haae hafde participeret rettighed. Vidnet svarede, at derom viste han intet at forklare.

Det andet vidne, Isach Nærland, efter aflagd saligheds eed med opragte fingre, vant saaledes, at for omtrent 30 aar siden brugte vidnet selv Haae Vaags Laxe-Fiskerie, imod at hand bekostede 8 fafner garn udi nooden og holdt een mand i sex uger ved fiskeriet, sammen med nu afdøde Salmon Nærem. Og da nød Sognepræsten til Haae Kald den 8de part eller deel av Haae Vaags Laxe-fiskerie. Til contra citantens Iste spørsmål svarede vidnet, at han iche var viidende hvad rett Sognepræsten til Haae Kald hertil hafde, enten det var ejendom eller beneficeret. Til det 2det spørsmål svarede, at der blef altid bærmmet paa skjær i aaben søe. Til citantens spørsmål svarede han, at vidnets Salig stiftader, Jens Nærland, brugte dette laxefiskerie, og da nød Sognepræsten til Haae Kald den 8de fisk af Haae Vaags Laxe-Fiskerie.

Contra citanten tilspurte vidnet, om han kunde siige, at præsten paa Haae altid har nødt dette som een sædvane. Dertil vidnet svarede, at saa længe han kan mindes eller af veed, har præsterne paa Haae nødt førømmelte 8de part eller fisk. Derefter indleverede contra citanten, Joen Scheje, sit skriftlige forsett af denne dags dato, som for Retten blef oplæst, og registeres til Acten."

Med dette er denne saka avbroten og ser ikkje ut til å ha vorte førd videre. Men den 8-8 same året kjem ei ny sak for retten, ved Haugland Skipreide-ting, då oppsitjarane langs Haa-åno på gardane Njærheim, Nærland, Rimestad, Nedjre Haugland, Øvre Haugland, Hognestad, Litle Oma, Store Oma, Mauland, Fosse, Grøtheim, Torland, Bjorland, Næsheim, Vigre og Obrestad, har stemnt Ludvig Schultz og Tore Søyland fordi dei hadde bygt stemgardar i åno som hindra laksen på gangen oppover åno. Partane møttest på Søyland utan oppsitjarane på Skrudland, Vigre og Obrestad. Til domsmenn var oppnemnde Nils Håvarson Høyland, Hans Mauland, Åsmund Garborg, Askaut Ytre Salte, Peder Ytre Salte og Jon Store Salte. Sitat or Rettsboka:

"De indstemnte, velærværdige Hrr. Ludvig Schultz og Tore Søyland, som paa-

gieldende, møtte for Retten og tilstod stevnamaaletz lovlige forkyndelse. Og som de 2de af indførte laugrettesmænd, Peder Erichsen Ytre Salte og Aschout Simonsen ibidem, er og tillige vidner, følgerig stevnamaalet, udi sagen, saa bliver de fra Retten demiteret, og udi deres sted til Rettens betiening 2de andre igjen forordnede, som vare disse: Laurits Mid Salte og Peder Mid Salte. Dernæst fremlagde citanterne deres udi stevnamaalet paaberaabede skriftlig begiær til fogden, ædle Ole Zachariæsen, om forbud og advarsel til de paa-anchede steenkar og steengiærdes nedrivelse, samme af dato 4 July 1732, sampt fogdens derpaa fuldt foranstaltning d. 7de dito næst efter, som for vedkommende befantes forkyndt. Hvilche de begiærede i akten indført.

Fremstillede saa derefter 2de indstevnte vidner, Peder Erichsen og Aschout Simonsen Ytre Salte, som efter at de var formanede deres salighed at iagttage, forklarede og vandt, at da de d. 12 July sidst afvigte, tillige med lensmanden Joen Scheje, forkyndte Tor Samuelsen Søyland indførte fogdens befaling, svarede bemelte Tor Søyland dem saaledes, at ingen steen hafde hand lagt op udi elven, og ingen heller sagde han at vilde nedrive, men vilde bruge det samme som hans formand hafde brugt, indtil Retten kiendte ham derfra. Og ydermeere kunde nogen beviise ham at have giordt anderledes, eller sadt nogen meere steen end tilforn været haver, skulde han strax rive det ned. Vandt ellers at samme dag var de efter citanternes begiær hos Tor Søyland og begiærede han vilde følge dem til elven, da de med snøremaal vilde fornemme hvor bemelte deres steenkar stod udi elven, og om de da befantes u-lovlig, da udi mindelighed at rette sig. Hvortil Tore Søyland svarede Nej.

Gich saa hen til elven med lensmanden og de øfrige mænd. Og efter at de hafde med snøre, som før meldt, maalt elven tvert over fra det ene land til det andet, befantes det at mitten af snøret naaede til den yderste kant af steenkaret, mens om det staar i det dybeste af elven eller iche, veed de intet om. Derefter begaf Retten sig paa aastedet, nembliq hvor indstevnte Tor Søyland paa-anchede laxekar udi Nierems Elven er bestaaende, for sammesteds at syne og begrandske hvorudi sammes fornærmelse bestaar. Og haver vi da befunden, at Tor Søyland ved sit land har laxekar bestaaende, hvorpaa intet anches, saavit karret i sig

selv angaar. Men derfra paa den søndre side er bygt een steenmuur (paa) skiøns langs elven, som efter besigtelse skiær ved dens ende over dybeste elv, det mand med stangmaal har befunden, hvorved mand ej andet kan skiønne, end jo laxens op og nedgang vircheligi bliver hindret. Dernest staar et laxekar mit udi elven, fra hvis søndre side ligger eendeel store steener idi elven, som alt saaledes er til hinder, at laxen aldeles iche udi maadeligt vand, og naar elven er liden, kan komme op igjen. Hvorved paa dets søndre side iligemaade er oprettet et steengiærde langs elven nogle fafner. Og efterdi de 2de vidnersbyrd og haver anviiist laxekarret, og det vidne hvorom de har vidnet, saa blev de fremkaldet, nembliq Peder og Aschout Ytre Salte, at de for Retten skulde aflegge, paa hvis de vundet haver, deres corporlig eed, som og skeede. Forføyede os dernest til Haae Præstegaardz march paa venstre side, og over til Nærlandz udmarch paa østre siide er oplagt en steenmuur eller giærde, som gaar fra do. Præstegaardz qværnehuus og til ungefær mit udi elven, hvor der siden til et andet oprætt lige giærde, som gaar til Nærlandz-landet, ligger 2de stoche, een ved elvebunden og een anden over giærdet, hvilche bruges af velærværdige Hrr. Ludvig Schultz saaledes at naar han manquerer vand til sin qværn, bruger han luger til at sætte for, saa at vândet derover maa løbe til quernen. Hvilchet, om skulle skee paa de tiider laxen skulle ville løbe op eller ned, er det ugiørligt at laxen kunde have eller nyde sit rette løb.

Citanterne derpaa gjorde deres i-rettesættelse saaledes, at de formeente og paastod det oprettede laxekar med u-lovlig steengiærde ved Søyland vorder nedrevet, og at midtstrømmen til laxens opp og nedgang renskes og reengiort. Ligesaa paastaar de og, at det ved Haae Præstegaard oprættede tvergiærde-demning og nedlagde stocher vorder nedrevet, saa at laxen kan faa sit u-behindrede løb op og ned. Hvorom de alt, ifølge af loven, var dom forventende.

Velærværdige Hrr. Ludvig Schultz begiærede at steengiærdet hos ham end ydermeere maatte vorder besigtet, da han vilde formode, at det skal befindes at det ej hindrer laxens op og nedgang. Retten tilspurte velærværdige Hrr. Ludvig Schultz, om han kan benegte at der udi elven iche ligger 2de stocher, nembliq een under og een over, samt at han bruger luger dertil for at stemme vândet

til hans gaardzqværn, naar han det for-
nødiget. Hvortil han svarede, at han
gjerne tilstaar at der findes 2de stocher
over (odels garen?) udi hvilche han
fæster luger, naar elven er liden, og han
behøver vand til sin qværnedam. Naar
laxen er igang, bliver lugerne optagne,
og laxen iche til hinder. Hvilchet nu ved
granskingen skal befindes at være saa i
sandhed. Eiheller kan nogen siige med
sandhed, enten af Nærlandz eller Næ-
rems opsidere, hvilche der har den meste
kundskab, om laxen nedenfor giærdet
bliver bestaaende, dennem og andre til
hinder i deres laxefiskerie, meget mindre
at han efter det oprettede giærde har
giort sig nogen fordeel af det laxefiskerie
som Haae Præstegaard udi elven tilhører.
Citanterne paastod sagens omkostning
for det øfrige, og saaledes udi alt begiæ-
rede Rettins kiendelse. Og som parterne
ej havde videre at indvende, undtagen
de for saavit Tore Søyland angaar paa-
stod at han vorder tilfunden at tilsvare
dem den skade de siden fogdens forbud
og befalling er skeed ved det han iche
har nedrevet det paa-anchede laxekar,
men derved hindrer dem den fangst de
ellers kunde have formodet.

Det samme paastaar de og over Hrr. Lud-
vig Schultz, saavit ham kan vedkomme.
Fordi som aftenen paatrænger, bliver
denne sag opsatt til i morgen tidlig, da
parterne sig igien paa aastedet Søyland
haver at indfinde, domb at anhøre."

Eg siterar videre:

"Dagen derefter, den 9 Augusti, er Retten
atter paa aastedet Søyland, med forind-
førte laugrett, satt. Og da udi denne sag
saaledes for Rett dømt og afsagt:

Den af de paastevnte gaardebrugere, som
stevnemaallet nafngiver, skeede forner-
melse og hindring udi deres gaarders til-
liggende laxefiskerier, og hvoraf de aarlig
giver skatt og landskyld, bestaar derudi,
at Tore Samuelson Søyland ved sit gaar-
debrug skal have et laxekar staaende mit
udi elven, som tillige med de derved op-
rættede steengiærder skal hindre laxens
op og nedgang, og altsaa gjør dem afgang
udi deres fiskeriers indkomme, imod lo-
ven. Samt at velærværdige Hrr. Ludvig
Schultz ved sin præstegaard Haae fra
do. præstegaardz qværne-støe, skal have
oprettet eet steengiærde tvert over elven
og over til Nærlandz-landet, samt mit
udi elven, som Achten og besigtelsen ud-
viiser, satt 2de stocher fra muur til
anden, saaledes at han med luger, som
dertil ere indrettede, kan stenge elven
ganske igien, saa at laxen udi maadeligt

vand hverchen kan komme op eller ned.
Og derfor har citanterne paastevnt og
ellers for Retten paastaet (steenmuu-
rens?) nedrivelse, med videre.

Ligesom citanterne alt dette da har paa-
anchet, saa er det og ved besigtelsen be-
funden saaledes udi alle maader, at det
kan gjøre de ovenfor boende hindring
udi deres laxefiskerie, saa og tillige er
contrair lovens allernaadigste bydende
udi dens 5te bogs 11te Capt. 6te og 12te
Articuler. Formedelst hvilche omstændig-
heder kiendes for Rett, at Tore Samuel-
sen Søyland bør nedrive det hans gaard,
mit udi elven, som før melt, tilhørende
laxekar, saa og det derved oprettede
steengiærde, ligesom besigtelsen om for-
melder. Og efterdi der og ved hans andet
næst ved Søylands-landet havende og
u-paa-anchede laxekar befindes eet steen-
giærde skiøns langs elven, som grenser
sig over dybeste elv, saa befindes han og
samme at nedrive, saavit at midelven har
sit u-behindrede løb, som loven befaler.
Angaaende tvistigheden imellem citanter-
ne og velærværdige Hrr. Ludvig Schultz,
da som det iligemaader, ved gransking
og besigtelse, er befunden at et steen-
giærde tvert over elven fra Haae Præste-
gaardz land og over til Nærlands-landet
er oprettet, som velbemelte Hrr. Schultz
har forestillet, og er u-imodsagt, at skulle
være med de Nærlandz opsideres sam-
tøche, samt mit udi bemelte elv 2de
stocher anlagt med luger at stemme
våndet til hans qværnedam.

Saa, efterdi saadan stengning imod aller-
høiste forbemelte alligerede Jovens Arti-
cul er gandske stridende, saa vorder
ligeledes velbemelte deres velærværdig-
hed Hrr. Ludvig Schultz tildømt samme
giærde og demning at nedkaste, fra sit
land at reigne til midtstrømmen, saaledes
at ingen (in-kibition?) udi laxens op og
nedgang derved meere skeer, alt under
vedbørlig adferd. Og betreffende den
paastefnte skadelidelse ved forbemelte
elvestemming, som citanterne vil for-
meene at være tilføiet, da som den post
er uviss at finde sig udi, besynderlig da
citanterne end iche selv mindeligens der-
over kan gjøre beregning, ja iche heller
er skeed, saa vorder vedkommende der
udinden frifunden.

Men Tore Søyland, som iche udi minde-
lighed har villet rette sig med det paa-
anchede nedrivelse, tilkiendes at betale
udi denne sags omkostning til citanterne
4 rigsdaler, samt velærværdige Hrr. Lud-
vig Schultz, som iche heller har ladet
sig det ved lensmanden og mænd skeede

advarsel være efterrettelig, ligeledes at betale udi omkostning 2 rigsdaler, som alt 15 dage efter denne døms loughlige forkyndelse udreedes bør under nams adfærd efter loven.”

Dette var eit par stikkprøver av Hrr. Schultz styr og stell i dei verdslege saker og ting. Når det gjeld den geistlege sida har me ikkje så greide utsegner å halda oss til. I hans tid brann prestegarden på Haa, og alt innbu strauk med, m. a. ei boksamling, verdsett til 2000 riksdalar. Den nybygde prestegarden var taksert til 2500 riksdalar. Det er sagt, at Schultz var lite lika både millom soknefolket og dei andre prestane i stiftet, så der var lita hjelp å få frå nokon av kantane. Då han var død, vart enkja gift med ettermannen hans i ombodet, Sigvard Munch. Av Schultz sine barn er desse nemnde:

1. Herman Schultz, f. 1704, død i Koparvik 1762. Kjøpmann.
2. Peder Schultz, gift med Maren Kortsdr. Høyer (sjå 5. 1.).
3. Karen Lind Schultz, gift med Hans Leganger.

7. Sigvard Munch var prest i Haa frå 1734 til 1747. Eg veit ikkje kvar han var frå, og ikkje heller når han var fødd. Han var gift med enkja etter Ludvig Schultz, Anna Leganger, og døde 17-8 1747. Det er til Tingbøkene me må venda oss, når me vil lære noko om Hrr. Munch, på same vis som med Ludvig Schultz. Frå Kvia Skipreideting 24-11 1734:

”Hrr. Hans Leganger med øfrige Salig Hrr. Ludvig Schultzes Arfvinger deres skiøde til Hrr. Sigvard Munch paa en Huusevaaning staaende paa Haae Præstegaard, solt for 60 Rdr. Dattert 14 Juli 1734, udi Skiødebogen foll. 267 indført.”

”Hrr. Sigvard Munches panteobligation til Mademoiselle Helvig Munthe Schultz for penge 200 Rdr. dattert 12 May 1734, udi Pantebogen foll. 268 indført.”

17-7 1738. ”Hrr. Sigvard Munches panteobligation til Christiansandz Enche-Cassa for laante penge 200 Rdr. datteret 1 Juli 1738.”

10-3 1739. ”Svend Jonsens skiøde til Hrr. Sigvard Munch paa 9 spand godz udi gaarden Tvihaug, for 40 Rdr. datteret 15 Januari 1739.”

25-11 1739. ”Hrr. Sigvard Munches børseddell til Erich Erichsen paa 9 spand udi Tvihaug, dattert 19 Januari 1739.” Same dagen. — ”Hrr. Sigvard Munches børseddell til Elling Svensen paa 15 spand godz udi gaarden Bratland, datteret 4 November 1739.”

Valle Skipreideting 21-11 1740.

”Hrr. Sigvard Munch haver ladet indstevne enken Anna Anthoniusdatter Haugland, fordi hun ej efter foreleggelse har repareret og sadt gaardens huuser istand, samt og for jordens bedervelse, alt for at lide dom med omkostnings erhvervelse.

Paa indstevnte Anna Hauglands vegne møtte hendes paarørende lensmanden Joen Scheje. Hvorpaa citanten lod ved Christopher Wegner fremlegge en saakaldet Aa-budzforretning ved lensmand Niels Haar og 2de mænd, datteret 6 Augustj 1740. Hvorefter Wegner paastod, at enchen tilpligter gaardens huuser at istandsette. Svarede Joen Scheje det, at Hrr. Sigvard Munch søger denne fattige enchekone, Anne Hougland, med huuser, Aabod, er iche andet end at hand vil støede hende fra gaarden. Tilmed kunde det noch bevises, at samme gaardepart er udi saa god stand som den var da hun kom til gaarden, som præsten derpaa iche heller anched, da hendes Salig mand døde, bevises af skifteforretningen af 29 Februarj 1740. Og skulle præsten, formedelst enchens fattigdom, tvifle om at gaarden skulle komme i vanhæfd og iche holdes i lovfør stand, saavel og at tage enchen udi forsvar u-paaklagelig, som de derom kan foreenes, og gaarden til ingen hinder, naar den af ejeren kan bekommes for lovlig børsel, saa og at svare hans Majestæts skatter, samt ejeren landskyld i tilbørlig tiid. — Christopher Wegner svarede, at det var iche Hrr. Munches tanche at drive enchen fra gaarden, men naar Joen Scheje vil vedblive det forindførte og af ham giorte løfte, vil han samme paa Hrr. Munches vegne accordere. Joen Scheje nafngav den samme mand som gaarden skal antage, nemblig Svend Størchersen, for hvem han vil cavere, og derhos Joen Scheje formodede at nyde børseddell hos Hrr. Munch, naar han derom anmodedes. Hvilchet og Wegner giorde ham gandske forsicheret om, saa at Joen Scheje maa komme naar han vil. Og som parterne hafde ej videre at indvende, saa er sagen paa begge siider hermed ophævet.”

Valle Skipreideting.

”22-11 1742. Gregorius Baardsens skiøde til Hrr. Sigvard Munch paa 1 pund smørskyld udi gaarden Rugland for 26 Rdr.” Same dagen. — ”Hrr. Sigvard Munches børsbrev til Elling Hansen paa 1 pund smørskyld udi Rugland.”

Den 13-4 1743 stranda eit skip ved Haa «Christina Maria» frå Trondheim, skip-

per var Tor Ulrichsøn. Skipet var lasta med fransk salt og fransk brennevin.

Den 27-11 same året stemnde lensmann Jon Tollakson Skeie Hrr. Sigvard Munch "til tingsvidnes erhvervelse, angaaende en deel af det ved Haae Præstegaard indeværende aar strandede Trondhiemske skip bortkomne vrag, med videre.

Hrr. Sigvard Munch blev af Retten paa-raabt, men møtte iche. Thi fremstod stevnevidnerne Jon Frantzen Store Salte og Niels Marcusen Pollestad, som ved eed med opragte fingre bekræftede, at de forkyndt stevningen for Hrr. Munch d. 13 November sidstleden, og fordi hans tienere, som og i stevningen var indført, da iche var tilstede, var de der atter d. 14 do., da de i ligemaade forkyndte stevningen i deres paahør.

Samtlige vidnerne møtte undtagen forbemele sognepræstens drenge og folk, Hans Olsen, Michel Tollefsen og Lars Gundersen, samt Mailena Svendsdatter. Hvorpa vidnerne blev fremkaldet. Fremstod da først Tarald Evindsen Taarland, som efter aflagd saligheds eed med opragte fingre efter loven, sagde at ville vidne sandhed. Da procurator Sr. Jørgen Højer, som paa citantens vegne formerede til vidnet følgende qvæstioner: 1. Om iche, da skibet var sønderslaged, og citanten Joen Scheje allerede hafde antaged folk til arbejde og diregering, kom ned til stranden og spurte vidnet hvem det var som kiørte trævahrer av vraget fra stranden, samt hvor do. trævahrer blev henkiørt, da vidnet svarede, at det var saa som omspurtt er, og da svarede vidnet formelte Joen Scheje at det var præsten, Hrr. Munches folch, det vidnet og saae, var Lars Gundersen og Mailena Svendsdatter, og blev det henkiørt til Haae Præstegaard. 2. Spurte om iche, da vidnet liavde seet veed fra vraget til Haae Præstegaard var henkiørt, at samme Hrr. Munch folch og tienere med hæste og slæder kom tilbage igjen til stranden, og der igjen lastede paa. Hørte og saae Joen Scheje kom hen til dem og spurte hvem ham til saadant havde gived befahling, og hvad da blev svared. Videre svarede, at bemelte folk, Lars og Mailena, svarede Joen Scheje, at præsten, Hrr. Munch, havde befaled dem det. Svarede videre paa spørgsmaal, at folkene samme tiid, efter Joen Schejes sigende til dem, maatte læsse av slæderne hvad de havde paa dem, og maatte fahre hiem med tomme sleder den gang, hvorpa Joen Scheje bad vidnet og flere som hos var at drages til minde og være vidner.

2det vidne, Berdines Tostensen, avlagde eed at ville vidne sandhed. Hvorpa procurator Høyer fremstillede til dette vidne de samme qvæstioner som til Tarald Evindsen er moveret. Da bemelte vidne svarede paa alle qvæstioner det samme, ord for ord, som næst forrige vidne, og ej videre.

3die vidne, Lars Gitlesen, avlagde ligsoren eed, og efter de samme til (ham) giørende spørgsmaal, sagde hand var hos samme tiid.

4de vidne, Anders Wiig, avlagde salighedz eed at ville vidne sandhed. Da Sr. Høyer formerede til dette vidne følgende spørgsmaal: 1. Om han iche har seet at præsten Hrr. Munches tienere drenger og piger har kiørt og baaret trævahrer fra do. vrag og op til præstegaarden paa Haae, og hvad tiid?

Svarede, at nogle dage efter den tiid som forrige vidner har forklaret, nemblig i Augustj maaned sidstleden, kom vidnet gaaende ved siøen, hvor vraget laa, og da møtte Hrr. Munches dreng Hans Olsen og Mailena Svendsdatter, som hafde 2de hæster og slæder med læs paa af bemelte vrag, som de kiørte til Haae Præstegaard. Derpaa vidnet spurte dem, hvem der havde gived dem lov til dette. Svarede drengen, formelte Hans Olsen, at præsten Munch havde sagt de skulle kiøre. Hvorpa vidnet gich sin vej, og folchene kiørte til præstegaarden. Videre svarede dette vidne, at noget før den tid saae vidnet at en tøs fra præstegaarden bar veed fra vraget til præstegaarden, men hvad tøsen heder, veed han iche. Endnu svarede vidnet, at en anden tiid kom vidnet atter til stranden, fandt da Madame Munch der, som spurte vidnet, om hun iche maatte have et billede av skibet som laa i stranden. Da svarede, det var iche hans, han ejede intet deri. Da hun sagde det kunde tiene hende til at sætte paa porten, og ingen anden. Bad derfor sin pige Mailena Svendsdatter tage det op, som og skeede. Og da vidnet kom fra vraget tilbage, var bemelte billede borte. Videre vidste han iche.

5te vidne, Lars Jensen Ytre Salte, avlagde eed og vandt, paa spørgsmaal, at da Anders Wiig omvundet tiid kom fra vraget og fortelte, at prestefolkene havde kiørt veed fra stranden, saae vidnet, som var ved Haavaags Fiskerie, at der kiørte 2de læs over bachen fra vraget, men hvem det var kunde vidnet ej see. En anden dag kom vidnet til Haa Præstegaard at laane ild, saae da en skibspanche ligge i gaarden, hvilchen hand

ej rettere kunde skjønnne, end joe at have seet ved vraget tilforne. Forklarede videre at læssene som omvundet er blev kjørt over bachen til Haa Præstegaard. 6te vidne, Hans Muller, er Joen Schejes svoger, avlagde eed at ville vidne sandhed. Blev tilspurt: 1. Om han iche er vidende hvor mange dæches- og andre planker som fra vraget er hiemkjørte til Haa Præstegaard ved præstens egne tiener? Svarede, at strax efter at vraget i Augustj maaned var sønderslaged, kom vidnet til stranden, og da saae vidnet Hrr. Munch og hans kone var der. Havde 2de av sine drenge med 2de hæste og 2de slæder med sig, hvorpaa var læsset, nemblig paa hver slæde, 2de breede fureplanker, tilsammen 4, havde og kjørt et støche paa vejen til Haa dermed. Men vidnet kom, bad præsten drengene bie, hvorpaa Hrr. Munch siger til vidnet, at han havde talt med Joen Scheje, at han ville have alle plankerne som faldt ut af skibet, og den gang ville han have 6 støcher. Vidnet svarede ham, det vedkom ham iche. Gich saa med Hrr Munch til vraget, kom tilbage igjen hvor Madame Munch stod, som da sagde hun skulle spørge dem, om hun skulle have det eller ej. Midlertiid kjørt bemelede præstens drenge til Haa Præstegaard med plankerne. Høyer benegtede aldeles, at citanten (iche?) har gived præsten, Hrr. Sigvard Munch, ringeste tilladelse noget fra vraget, enten planker eller andet, til Haa at avføre. Og saasom for det 2det, at mange læs smaae trævahre av dæchsbielcher med videre til Haa Præstegaard er opkjørt av samme vrag. Svarede, at efter forrige omvundet tiid saae vidnet engang 3de hæster og slæder, kjøret av Hrr. Munches folk, læsset av smaae dæchsbielker og anden veed, og ført til præstegaarden Haa. Kunde ej rettere see end det var præstens drenge. Forklarede tydeligere at han saae de kjørt vejen til præstegaarden, men ej hvor det blev aflæsset. — Og som ingen fleere vidner efter stevningen møtte, saasom Hans Olsen, Michel Tostensen (Tollefsen?), Lars Gundersen og Mailena Svendzdatter, saa begiærede Høyer samme vidner, under lovens bydende straf, forelagde til næste ting at indfinde sig, deres eedelige forklaring at avlægge.”

Denne saka har avskrivaren ikkje funne meir om i Tingbøkene. Derimot finst ei annor sak førd av Jon Skeie mot Sigvard Munch, som me skal sitera her.

”Sommertinget for Qvie Skibrede 1747, den 1 July.

Hrr. Sorenskriver Sr. Jørgen Høyer, som procurator for lensmand Jon Scheje, fremstillede sig for Retten og producerede et skriftlig stevnemaal, hvorved var indkaldet velærværdige Hrr. Sigvard Munch angaaende nogle laxegarns udsettelse, citantens ejende og deels bøxlade laksefiskene Haavaag kaldet, til skade, med videre stevningens indhold, datteret 10. Juni 1747.

For Hrr. Sigvard Munch svarede eller møtte procurator Sr. Jonas Kirsebom. For velædle og højvise Hrr. Laugmand Undal, som beneficeret ejer for det halve Haavaags Laxefiskerie, møtte ingen efter paraabelse.

Hvor da vidnerne blev paraabt, og møtte alle undtagen Peder Riisholmen, Gitle Omundsen og Erich Ellingsen. Saa møtte endog de Nærlandz 3de opsidere som tilstod lovlig være stevnt. Noch producerede Sr. Høyer den fra citanten til Hrr. Sigvard Munch udstædede beschichelse, datteret 3die Juni 1747, med paategnede giensvar av Haae Præstegaard den 5te ditto. Videre fremlagde hans skriftlig requisition til Hrr. Cammer Raad og Foged Ole Zachariæsen av 8de Juni sidst avvigte, anlangende de av Hrr. Sigvard Munch til Haavaags Fiskeries skade nedsatte ankerdobber og laxegarn, samt paafulgte forbuud og forretning eller befaling med paategnede lensmandz og mændz forretning, som skeede den 10de Juni 1747.

Paa hans velærværdighed, Hrr. Sigvard Munches vegne, fremlagde procurator Sr. Kirsebom hans contraststevning i sagen, datteret 15de Juni 1747. Joen Scheje vedstod denne stevnings lovlige forkyndelse. Hvorpaa Hrr. Høyer forlangede, at citantens indstevnte og mødende vidner maatte, een efter anden, vende fremkaldet til forklaring, saaledes som de, ifald Retten det skulle ernødige, paa aastedet kan gjøre anvisning.

Dommeren tilspurte begge parternes fuldmægtige, om de har ordre fra deres principaler at erklære sig, enten sagen paa dette ordinaire ting, med vidners førelse og procedure til doms kan (afgiøres?), eller og de i tiiden skulle være betencht samme til aastedet at forlange henviist til siun og gransking. Alt fordi den forskiel lovens Iste Bogs 13de Capt. 9de Articul taler om vidners eedzavleg, paa et ordinair ting, og ellers i ejendomseller fiskeries-trætter, paa det Retten sig derefter udi formaliteterne kunde viide at rette.

Citantens fuldmægtig erklærede sig udi

sin principals nærværelse, at hand forlangede vidnerne ført. Hvorefter han ligeledes vil vente contrapartens fuldmægtiges declaration. Sr. Kirsebom svarede til Rettens spørsmål, at han ej har talt med sin principal om den post. Men naar Retten overvejer hans contrastevning, kan derav lettelig udfindes contracitantens formeening. Idet at sagen burde været retteligere anlagt, og dernæst at Joen Scheje aldrig skal beviise at have nogen ejendomsrett, hverken ved eller udenfor Haavaags Fiskerie. Thi det sted i siøen hvor præstens laxegarn med laxedobbe stod, da det under arrest og forbuud blev optagne. Og for det 3die erindrede contraparten dommeren til conference hovedcitantens skriftlige requisition til stædetz foged om forbuud imod hans paafulgte stevning, da der skal observeres, hvor aldeles u-liig og u-vis han er paa at beskrive distancen imellem Haavaags Fiskerie og det stæd hvor garnene stod. Thi det han først kalder 4 a 5 bøsseskud, forandrer han siden til 2 a 3 do., og naar denne Rett behager saadant at overveje, er Kirsebom ligesaa ferdig for contracitanten, som hovedcitanten selv erklæret haver, baade at anhøre og føre vidner paa hvad tiid og stæd dommeren eragter.

Sr. Høyer reserverede sig Sr. Kirseboms indførsel, saavitt eenighed maatte angaa angaaende vidnernes førelse her for Retten, ligesom og de øvrige hans proportioner, hvilchet med vidnesbyrdene og (authentique?)-beviiser, skal blive gien-dreven. Reffererede sig derfor til stevne-maalet om vidnernes forklaring og eed-fæstelse.

Hvorpaa av Retten bleg Eraged: Da contracitantens fuldmægtig ichun saa eqviloc hen har erklæret sig om vidnernes førelse, enten at skee her eller paa aastædet, saa finder Retten lovligst, saavel i henseende til den forhen allegerede lovens Iste Bogs 13de Capt. 9de Art. saavitt vidnernes eed og anviisning angaar, som og udi betractning av lovens bemelte Ite Bogs 16de Capt. Iste Articul, der befaler saadanne sager at udføres paa aastædet, hvor siun og granskning behøves, hermed at eragte, at vidnerne bør avhøres, og paa stedet hvorom tvisten er rejst sig, gjøre deres anvisning, førend paa hovedsagen kan avsiges nogen dom. Men har ellers parterne noged at ventilere angaaende det skeede forbuud, behager de samme nu at forestille, til Rettens videre kjendelses paafølge.

Udi henseende Rettens forestaaende

eragtning havde da citantens fuldmægtig ej videre denne sinde at erindre, uden alleene dette, at gjøre paastand om at det gjorde forbuud og arrest, ved Rettens kiendelse, følgerlig stevne-maalet, maa vorde paakiendt til dessens lovlighed, da han derefter end nermere skal foranstalte sagens lovlig og beviislig udfør til doms erholdelse.

Sr. Kirsebom indstillede Retten om iche forbuudet bør være ophævet, ald den stund citanten iche beviiser sig istand til samme at kunde hjemle med noget autentique adkomst eller bevis, hvorved ejendomme hiemles bør, og at contracitantens satisfaction og erstatning vorder ham reserveret under sagens endelige paadømme i sin tiid.

Sr. Høyer anviiste derpaa Sr. Hrr. Amtmand Frimands udstædte bøkelseddel til Jon Tollachsen Scheje paa det halve Haavaags Fiskerie, ham som Laugmand allernaadigst benificeret, datteret 27de October 1729. Dernest Frue Cicilia (Schroders?) Salig Commerce Raad Dauches udstædte skiøde til citanten Jon Scheje paa % part i bemelte Haavaags Laxefiskerie, item et do. til Poul Tostensen Grødeland, ligeledes paa V4 part i samme fiskerie, begge datteret 22de Augustj 1729, item Tosten Tiærandsen Grødelandz skiøde til Jon Scheje paa samme *4 part, som han havde arvet efter bemelte hans søn Poul Tostensen, datteret 24de Februarj 1738. Hvilche documenter hand begiærede, når de av Retten var efterseed, maatte ekstraheres ham tilbage, da de udi sin behøvede tiid under processen skal vorde producerede, hvilchet og strax skeede.

Sr. Kirsebom formeente, at med alle de av citanten fremviste documenter, skal iche beviises med et eeneste ord, at enten forrige eller nærværende tiiders ejere eller benificerede ere berettigede til een eeneste fodzmaal av det sted i siøen, hvor præstens laxegarn stod ude, og ere optagne. Haavaags Fiskerie i sig selv har Hrr. Sigvard Munch aldrig tencht at disputere Joen Scheje meere end hans formand, langt mindre spurt efter nogen adkomster derfor, og derfor endnu refererede sig til sit forige. Sr. Høyer vilde iche svare noget til Sr. Kirseboms forestaaende indførsel, som det ansees ichun for prolongation i sagen.

Derpaa blev af Retten saaledes Afskeediget:

Udi anledning Rettens forige eragtning henvises sagen og dens hoveddel til avhandling paa aastædet, for Sorenskrive-

ren og 6 granskings- og meddoms-mænd, efter foregaaende lovlig stevnemaal pro + contra, hvorefter de kan formode sig dens paadømme efter lov og beviis. Men imidlertid og indtil det skeer bør det av kongens foged, velædle og velbyrdige Hrr. Gammer Raad Zachariæsen, paa Hans Majestæts vegne, anordnede forbuud staa udi sin fulde kraft. Da siden skal vore kiendt og dømt, saavel paa det hvorav sagen er reist sig, som og paa forbuudets videre fremme."

Den 23-8 1747 vart halde Åstedsak på Haavåg "til en tvistighedz avhandling imellem lensmanden Jon Tollachsen Scheje som citant, paa den eene, og nu Salig Hrr. Sigvard Munch, hvis liig til jorden idag er bestædiget, nu hans enche og arvinger, paa den anden siide, angaaende nogle laxegarn som formelte Hrr. Sigvard Munch skal have udsadt i mundingen av Haavaags previligerede Laxefiskerie. Citanten formenende til præjudice og fiskspilde, med videre.

Da Retten blev betjent med efterskrevne laugrettes- og meddoms-mænd av Qvie Schibreede, saasom: Tore Pedersen Opstad, Ole Johannesen Haaland, Aasmund Svendsen Riise, Svend Hansen ibidem, Svend Svendsen ibidem og Tosten Halvorsen ibidem, alle til begge parters fuldmægtige u-beslegete. Da begge parternes fuldmægtige indfandt sig for Retten.

Hvor da citanten, Jon Scheje, personlig var nærværende tillige med hans formaede fuldmægtig, Sorensskriver og procurator Sr. Jørgen Høyer, der indleverede citantens udstædte skriftlige stevnemaal under 10de July sidst avviigte. Hvilche stefning, med infstefnte vidner, blev for Retten opløst.

Paa nu afgangne Salig Hrr. Sigvard Munches vegne indfandt sig procurator Sr. Jonas Kirsebom, som reserverede sin contra continuations stefning i sin tiid, efter sagens orden, at producere, og imidlertid vilde anhøre citantens indstefnte vidnesbyrd. Citantens fuldmægtig begiærede at de efter stefnemaallet indstefnte vidner maatte vorde paaraabte til enhver deres forklaring og eedz aflæg.

Dommeren forestillede parterne, at som den meste tiid af dagen er forløben ved liig-begiængelsen af Salig Hrr. Sigvard Munch, og det af det producerede stefnemaal befindes, at mange vidner til sagens oplysning vil afhøres, om de da iche synes at kunde være begge, at de idag ville lade deres vidner foreviise det omtvistede stæd, hvor de paaskadigede dob-

ber og laxegarn afhiu Sal. Hrr. Sigvard Munch skulle være nedsatt, Haavaags Fiskerie til fordervelse, for at bringe samme i pennen, hvor langt fra eller nær hos, da vidnerne siden i morgen kunde aflegge deres vidnesbyrd, hvad de ydermeere derom kunde være viidende. Hvorefter Sr. Høyer begiærede, at maatte vorde antaget, hvem eller hvor mange af de indstefnte vidner møtte, ligesaa og lensmanden med mænd, der har været ved arrestforretningen, deres endelige vidne og forklaring at udsiige.

Citantens indstefnte vidner møtte da alle efter stefnemaallet, undtagen Erich Ellingsen. Da citantens fuldmægtig begiærede, at Retten ville tage udi øyensiuun ved anviiisning af indstefnte vidner den forurettelse som ham er tilføyed og tiltenkt i hans loflige fiskerie, hvorved stor skadeliidelse er tilføyed.

Hrr. Laugmand Undal, som er indstefnt i denne sag som en benificeret ejer til det V2 Haavaags Fiskerie, befindes loflig stefnt, men møtte iche, er nu paa Haae Præstegaard, og formodentlig indfinder sig her imorgen. Og eftersom Sr. Kirsebom, som contrapartens fuldmægtig, iche var imod at bivaane ovenmelte besigtelse eller granskning, saa begav Rettens middel sig derhen, og begyndte da ved (Baade-rødning?) ved Haavaags elvemunding, hvor forefandtes en oplagt steenrugle i siøen, og ovenpaa en møllesteen hvori stod en stage, alt kaldet «Hellekastet», som er det første kast ved elvemundingen. Paa bemelte stage eller pohle gjorde vi da fast et snøre, og dermed roede liige ud efter strømmen til et skiær kaldet «Flogskiæret», der forklarede lensmanden Tosten Erichsen Haaberstad og de 2de mænd, Iver Tostensen og Ole Larsen Vigre, at da de efter fogdens, Hrr. Cammer Raad Zachariæsens, ordre, som deres forretning ellers udviiser naar den i Retten bliver fremlagt, var ved bemelte Flogskiær for at eftersee om de paa-anchede dobbers udsættelse, fandt de at iilen hvorudi tværstænget var befæsted, dog udenfor, derfra var garnet fæstet og belagt udi en dobbe i vest, og siden derfra i den anden dobbe i sør, ligesom bemelte dobbe idag af samme mænd er udsatt og os foreviist, ligesom de stod sidst, da de blef optaget, een fafn eller iy2 meer eller mindre kunde de iche siige, men dog sagde vidnerne, at de hafde udsatt dobberne idag paa det samme sted som de efter (meed?) i landet da og nu kunde synes, som før melt, rigtig.

Denne strekning ifra det første kast, «Hellekastet», og til formelte Flogskiær befandtes 114 fafner, og forklarede de 3de vidner, Lars Ytre Salte, Gierdt Meeland og Rasmus Øglænd, ligesom de og anviiste os samme, at Flogskiæret er et nodekast næst indenfor det andet kaldet «Kodlung-kastet». Det 3die kaldes «Storesteen-kastet», og det 4de, forbemeldte «Helle-kast». De 3de yttre ere til Haalandet og det 4de i elvemundingen. Desuden sagde de 2de vidner, Rasmus Øglænd og Gierdt Meeland, at der endnu er et kast ved Nærlandz-landet paa en steen, ligesom de andre, kaldet «Douren», som iche bruges uden i søndenvind. Altsaa ligger Haae-landet paa den syndre og Nærlands-landet paa den nordre siide af omstefnte Haavaags Laxefiskeries elv. Videre herom skal vidnerne gjøre forklaring i morgen, og da saaledes udsiige paa spørmaal, hvad de ydermeere kunde erindre.

Videre sagde citantens fuldmægtig at ville erindre imorgen, ved vidneres examination, oplyse sagen.

Og eftersom dagen da var forløben, saa blev sagen opsadt til videre afhandling til imorgen den 24de Augustj klokken 7 slett, da parterne ville behage at indfinde sig paa aastædet og medtage deres vidner, og hvad de videre ernødiger til sagens oplysning."

Dagen etter:

"Anno 1747, den 24de Augustj, blev Retten atter sadt paa aastædet Haavaag og betjent med samme laugrett som igaar. Parternes fuldmægtiger, samt Nærlandz opsiddere, møtt. Da citantens fuldmægtig recommenderede Retten til overvejelse den besigtigelse som igaar skeede ved maalingen henstod til andet, hvor en stor distance igiennem søe-maalet og snorsmaaling maatte differere, i henseende baade strømmens og vandetz paatregende, som ogsaa nøje kunde tages under observation. Begjærede dernæst, ifølge stefnemaalet, at vidnerne maatte blive fremkaldede til deres vidnesbyrdz aflæg, saaledes formanede som de derefter med eed kan contestere.

Ved denne forretning indfandt sig Kongelig Majestæts Byefoged i Stavanger, Sr. Søren Ringholm, som besvogred til nu afdøde Hrr. Sigvard Munches etterlevende enche, Madame Anna Leganger, der efter begiær af hendes broder, velærværdige Hrr. Lauritz Leganger, sognepræst til Lye Kald og Proust til Jadderens Prousti, paa deres vegne maatte declære, at som det har behaget Gud ved den

tiimelige død at bortkalde velbemelte Hrr. Sigvard Munch den 17de Ejus, og hans avsiælede legeme igaar, som var denne sags første tægtedag, til sin grav og hviilested blev bestædiget. Altsaa kunde enchen iche vente lenger blivende sted for sig og børn paa Haae Præstegaard, end saavidt naadsens aar tillader. Og i des betrachtning iche kunde vente sig i fremtiiden nogen deel eller fordeelagtighed i denne nu anlagde sag, saavidt Laxefiskeriet for Haae Præstegaard for gyldig kunde blive paadømt. Da, for at undgaae process og midlertidighed udi hendes enchestand, ville hun aldees frafalde sagen, og den af hendes Sal. mand udstædde contra- og continuations-stefning, paa denne maade, at de paa sagen anvendte bekostninger til dato blev ophævet.

Citantens fuldmægtig erindrede dette, at det var iche noch at frafalde sagen, da citanten er bragt udi anseelige pengeudgifter. Iche desto mindre naar contraparten vil erklære sig sandheden at vedstaae, nemblig den forurettelse som citanten har været aarsaget at paatale, og derhos erstatte de paatregte omkostninger, som skal blive specificerede paa tiid og sted. Imidlertiid kunde han ei ved saadan declaration være fornøyet, men begjærede sine vidner førte.

Hrr. Byefoged Ringholm dertil svarede, at endskiøndt han vel tilstaar citanten, Joen Scheje, paa denne sag har anvendt nogen bekostninger, saa har contraparten, nu afgangne Hrr. Sigvard Munch, paa sin siide og liigeleedes anvendt bekostninger i den formeening at (mentioner og ??) den Rett som Haae Præstegaard ved den strækning og fiskerie med billighed og lovs føye kunde tilkiendes, og for at forebygge saavidt muligt videre bekostning til denne paastefnte aastædzsab-samling, har enchen strax efter hendes Sal. mandz dødsfald, ved hendes broder studios Hans Steenbuch, giort citanten Jon Scheje det bekiendt, at hun vilde frafalde sagen, som enche, og da paa begge siider foranstalte at Rettens møde kunde forekommes, bekostninger derved at spare. Men som bemelte citant Jon Scheje iche derom vilde være eenig, har han selv aarsaget den nu herpaa andbendte bekostning, som denne aastædzsag medfører og sig paadrager. Desuden sees heraf enchens fredsommelige tilbuud, da mand ej kunde viide hvad nøtte sagen kunde medføre til citantens nachdeel, og Haae Præstegaardz fordeel. Formodede altsaa citanten Jon

Scheje modtog dette enchens tilbuud ved sagens ophævelse uden videre process medførende omkostninger.

Citantens fuldmægtig fandt sig forundret over forestaaende indførsel, ald den stund der ej paa contrapartens siide bliver declareret den forurettelse Jon Scheje udi sit lovlige laxefiskerie at ville tilstaa, langt mindre at ville erstatte de paa-trengte process-omkostninger hvorom han, liigesom tilforn, fandt sig beføyet at beviise sagen dens forurettelse imod citanten at begiære vidnerne ført, da Retten skal findes uden grund.

Hrr. Byefogden sagde sig ej videre ordre at have været tillagt udi sagen at svare, end enchens declaration om sagens frafald paa forestaaende maade at bekiendtgjøre. Hvorefter procurator Kirsebom declarerede, at endskiøndt han haver nu afdøde Sal. Hrr. Sigvard Munches egenhendigen underskrefne fuldmagtsbrev til sagens forfølgelse efter de af ham udstædde contra- og continuations stevninger, saa dog, efterdi Hrr. Byefogden Ringholm, som den efterladte enches og hendes broders besvogrede, har paa foranførte vilkaar frafaldet processen, understaar han sig iche at gaae viidere frem udi sagen, men alleene vil have den afdødes sterfboe reserveret, om citanten til arvingernes nachdeel foretager og fuldfører nogen behandling der kunde fortiene paa-anche.

Sr. Høyer reffererede sig til sit foregaaende indførsel. Hvorefter vidnerne af Retten blev fremkaldet, saasom først de som igaar har gjort anviisning paa de af Sal. Hrr. Sigvard Munch udsatte, og af citanten paa-anche anchordobber og garn, nemlig lensmanden Tosten Erichsen og de 2de mænd, Iver Tostensen og Ole Larsen Vigre, alle at forklare om de veed videre i den sag at udsiige, end hvad de igaar udsagt haver, og dernæst at citanten kunde erklære sig, om han hafde dennem noget videre at qvæstionere, de da derpaa kunde give deres giensvar, og derefter til eed tages.

Da bemelte 3de mænd fremstod, sagde de iche hafde videre at udsiige end igaar forklaret var, undtagen at de efter spørgsmaal svarede, at de erindrede at paa de udsatte garn fandtes, foruden de forige beskrefne, endog 2de smaae tværdobber som var sammenhæftede paa tværstenget. Dog om de var paa tværstenget eller selve garnet, kunde de iche just rett erindre, saasom de mest gav agt paa de store dobber og iche agtede de andre af nogen betydelse.

Citantens fuldmægtig fandt fornøden at tilspørge, saavel lensmanden som de forhen mentionerede 2de mænd, hvor de besvarede de optagne garn præsten, Hrr. Sigvard Munch, tilhørende, og dernest hvad præsten da gaf dem til giensvar. Svarede at de, efter fogden, Hrr. Cammer Raad Zachariæsens ordre, optog garnet, fordi saa præsten hafde ingen drenger hiemme, og befandtes derudi 2de laxer, (det var da sydvest vind) hvilche de, tilliige med garnene samt dobberne, førde iland og lagde alt udi Hrr. Sigvard Munches baad som de træchte paa land udi hans baadestøe. Horpaa de gich op til præsten og sagde ham hvad skeed var. Saae og samme tiid at een liden dreng, som gich i skole paa Haae, kom op samme tiid med bemelte 2de laxer i stuen. Da vidnerne forkyndte Jon Schejes stefning, hørte præsten sagde at hand hafde villet self ladet optage garnene, men hand hafde ingen folch hiemme, hvorfor de efter hans begiær tog dem op. Hvorpaa bemelte 3de vidner, paa hvad de vundet og anviist haver, aflagde deres salighedz eed med opragte fingre, saa i sandhed at være.

Videre blev fremkaldet først vidnet Lars Yttre Salte til at gjøre forklaring efter stefnemaalet. Da citantens fuldmægtig fremsatte følgende qvæstioner: 1. Om iche, da Jon Scheje kom til Haavaags Laxefiskerie den 30te May sidstleeden med sine folch, om da iche nu afgangne Hrr. Sigvard Munch hafde ladet nedsætte 2de andre dobber med hæfte eller stenge udi grunden ved det saakaldede Yttre Flogskiær? Vidnet svarede Joe. Siger at have været her ved Haavaags Fiskerie i 11 aar efter hinanden, til denne tiid, og imidlertid har iche præsten paa Haae begyndt med saadant fiskerie før iaar. 2. Om det iche, hvor samme dobbe stod, var liige udfør Haavaags Laxefiskeries nodekaster og Nærems-elven, samt udi laxens rette gang til fiskeriet og elven? Item om iche bemelte dobber stod ved Flogskiæret, hvor og et laxekast er? Svarede, det er gandske sandt. 3. Spurt om samme dobber iche efter vidnetz viidende afskrechede laxen, saa den iche kom til nodekasterne eller Nærems-elven? Og om der da iche den tiid var guds velsignelse af lax under landet? Svarede han saa laxen sprang til garnet og fra det igien, og iche kom til Hellekastet, hvor de den tiid laa med laxenoden. Siger og, efter spørgsmaaletz indhold, at bemelte garn afskrechede laxen, saasom de ingen fisk i nordenvind fich, men vel i søndenvind

en dag. 4. Om citanten, Jon Scheje, iche, formeedelst samme dobbers og garns hinder for laxens rette gang, maatte oplægge sin noed og deise derfra? Svarede Joe. 5. Spurt om, da Jon Scheje den 5te July sidstleeden kom til Haavaag Fiskerie igien, om da iche Hrr. Munch hafde udsadt sit laxegarn, befæsted udi de forhen nedsatte ancherdobber med et tværstenge til landet tæt ved det yderste Flogskiær, og om iche paa samme tværstenge var 2de tværdobber, saa dobberne ialt var 4 i tallet? Svarede saaledes som spørmaalet indeholder, men de 2de smaae dobber paa tværstengen stod tæt ved hinanden. 6. Om vidnet iche veed og kan skønne paa laxens gang af søen til Haavaags Laxefiskerie og Nærmselv? Svarede, naar vinden er norden falder aestrømmen ved Haa-landet hvor garnet stod, og derfor søger laxen ind til elven paa den siden, efter at den først sees ved Rev-Tangen. 7. Spurt om vidnet iche veed og kan siige at det af nu Salig Hrr. Munch nedsatte laxegarn med sine dobber og tværstenge var mit udi elvestrømmen hvor den har sit løb til siøen, samt hvor landet samme garn var, og stod udenfor Kollungkastet? Svarede saaledes som spørmaalet indeholder, og at laxegarnet var 51 fafner, men hvor langt det stod udenfor Kollungkastet vidste han iche, saasom han ei har maalet det. 8. Om citanten, Jon Scheje, med sin laxenod og folck fiskede udi nordenvind, ald den tiid bemelte Hrr. Munches laxegarn og dobber stod ude, der continue-rede i 13 dage, uden alleene een dag i synden- eller østenvind, da han fiskede 9 laxer? Svarede, det er gandske sandt, saasom hand stedse i aar har været ved laxenoden og derom er viidende. 9. Hvor laxens rette gang falder udi sydøstenvind? Svarede at laxen gaar ind med Douren, som er paa nordre siiden. 10. Tilspuret om iche Hrr. Munch fiskede lax med sit garn baade i norden- synden- og vestenvind? Svarede Joe, saasom han saae det. 11. Om vidnet og iche veed at da Hrr. Munches omtalte garn stod ude, i mængdetall af fisk var under landet og søgte sin rette gang, hvor garnet stod ham til hinder, men blef afskræched formeedelst bemelte garn og dobber, vente liige til siøen igien? Svarede det forholdt sig ligesom omspurt er. 12. Tilspurt om samme fornefte laxegarn med sine dobber og tværstenge iche var aarsage til Haavaags Laxefiskeries ruin og ødelegelse, ifald det der lengere hafde blevet staaende, saavel som udi den tiid samme

stod der? Vidnet svarede, at dersom bemelte garn iche hafde staaet der, hafde de ved Gudz hielp noch faaet lax, eftersom der var en stor mængde af fisk under landet. 13. Om vidnet iche af sin fornuft kan begrunde, at nogen lax kan eller kunde komme efter sin rette passatie til nodekasterne, særdeeles til Kollungkastet, i nordenvind, naar saadan garn og stenge som af Hrr. Munches folch blev udsat, hafde de der staaet, nemblig udi Flogskiærkastet, med mindre denenten maatte komme paa u-sædvanlige veje, eller og som u-vanlig til fiskeriet indkomme? Vidnet svarede, at saasom han veed at laxens rette gang i nordenvind er der hvor garnet stod, kunde han iche begribe at den kunde indkomme til de indre nodekaster, uden den hendelsesviis paa den nordre siide maatte indløbe. Men i ald den tiid bemelte laxegarn stod paa saa titbemelte sted, skeede det iche. 14. Qvæstioneret om vidnet iche er viidende, at præstens dreng med baad 6 gange om dagen, midt over og tvært udfor alle Haavaags Laxefiskeries nodekaster, roede og derved afskrechede laxen? Vidnet svarede, at de roede 6 gange om dagen, og derved afskrechede laxen, at de intet fiskede. Dog saae han at præsten, Hrr. Munches dreng, som var ude at eftersee garnet, fornåm at en laxefæhr var ved haanden, og som han sagde for vidnet, jagede 4 laxer i garnet, hvilche han og syntte ham. Forklarede desuden, at samme tiid var nærværende Rasmus Stangeland og Ole Salte. 15. Om iche vidnet er viidende, at saadan garn og stenge end skulle blive udsat lengere sør fra fiskeriet udenfor præstegaardens land ved den saakaldede «Svinhage-Tangen» paa den nordre siide af Fugleviigen, iche var til Haavaags Fiskeries skade og ruin? Vidnet svarede, hvor stor skaden for Haavaags Fiskerie kunde blive, kunde han iche viide, men dog veed han, og har seet hans gang er liige fra bemelte nordre siide paa Fugleviigen og til nodekasterne, og deraf slutter (at) det maatte være skade for Haavaags Fiskerie ifald saadant garn der skulle blive nedsatt. 16. Tilspurt om vidnet iche er viidende, at Jon Scheje har giort stor bekostning paa at oprødde Haavaags Laxefiskerie, samt oprøddet midtstrømmen udi elvemundingen, saa at laxen der u-behindret kan gaa op og need, og dertil brugt jernstenger og toukaster at optage steene med, saa at samme midtstrøm er meget dybere end tilforn? Og endelig om og iche Nærlandz oppsiddere

gjør skade ved roning med deres hom-
merteiner, som de legger udenfor node-
kasterne.

Og som de 2de vidner, Erich Ellingsen og
Gitle Omundsen, efter paaraabelse, end
iche møtte, saa fremstod stevnevidnerne
Hans Muller og Jon Frantzen Store Salte,
som med eed bekræftede at de var lovlig
stevnt paa Haae Præstegaard, hvor de
tiener.

2det vidne, Christopher Kiedelsen Houge,
fremstod, da citantens fuldmægtig til
ham fremsatte de samme qvæstioner
som det foregaaende, og derhos begiærede
Retten ville indhente vidnetz svar. Til
Iste qvæstion vidste han intet af, und-
tagen han har seet baade paastevnte
dobber og garn staa ved Flogskiæret. Til
2den qvæstion svarede som spørmaalet
indeholder, undtagen han iche veed, at
der er nodekast paa Flogskiæret. Men
de andre kast er ham bevidst, saasom
han har været ved fiskeriet i 3de aar.
3die qvæstion vidste han intet af. 4de
svarede Ja, saasom han var tilsteede den
tiid og saae det som omspurt er. Til 5te
svarede han, at han iche var der den
tiid, men var der samme dag da noden
blef optagen, og saae at garnet stod der
med sine 4 dobber. Til 6te qvæstion sva-
rede det samme som forige vidne. Til 7de
svarede det samme som Iste vidne, und-
tagen han iche har været med at kaste
paa Kollongen. Men garnet stod 19
fafner der udenfor, som var ved Flog-
skiæret. Sagde desuden at garnet stod
sydvest fra bemelte Flogskiær. Til 8de
svarede, han var alleene med den dag da
de fiskede de 9 laxer, men de andre dage
da garnet stod ude, var han iche med.
Til 9de svarede, det samme som Iste
vidne. Til 10de svarede, han hørte der
blev fisket, dog saae han selv, at der blef
fisket 2de laxer. Om 11te qvæstion vidste
han intet. Til 12te svarede, han forstod
iche andet. Til 13de svarede det samme
som forrige vidne. Til 14de svarede, han
saae det kuns een dag, og dersom de
træfte laxefæhren paa den tiid, kunde
han iche slutte andet end den blev
skremt. Til 15de post svarede som forrige
vidne. Til 16de qvæstion svarede, han
har iche været med at optage steen, uden
een gang for 2 aar siden, da han optog
steen og lagde under Hellekastets bre-
ming. Har ellers hørt fortelle at han har
optaget steen med jernstenger. Til det
øfrige svarede han som spørmaalet in-
deholder.

3die vidne, Peder Stangeland, fremstod.
Til Iste qvæstion svarede han var der

iche den tiid, men saae siden at garnet
stod der og var fæstet ved det yttre Flog-
skiær. Til 2den svarede det samme som
forrige vidne. Til 3die svarede, han vidste
intet derom. Og om det 4de iche heller.
Til 5te svarede, han var der iche den
dag, men har siden seet garnet staa der,
dog alleene de 2de store dobber. Til 6te
svarede det samme som Iste vidne. Til
7de svarede som spørmaalet indeholder,
undtagen han iche veed hvor langt gar-
net var, iche heller hvor langt det stod
udenfor Kollung-kastet. Til 8de vidste
han slet intet. Til 9de svarede det samme
som Iste vidne. Til 10de vidste han intet
at svare. Til 11te svarede han, at om
fiskens mængde ved landet vidste han
iche, ejheller var nærværende den tiid,
men at garnet stod laxen til hinder, at
den iche kunde komme ind i nodekastene
til elven, vidste han. Til 12te svarede, Jo,
det vidste han. Til 15de svarede som det
første vidne. Til 16de qvæstion viste han
intet om at svare.

4de vidne, Ole Olsen Salte, svarede paa
Iste spørmaal det samme som første
vidne. Til 2det svarede han som omspurt
er. Til 3die svarede Ja, det var saaledes,
saasom han i ald den tiid, indtil garnet
blef optagen, var ved fiskeriet. Til 4de
5te og 6te svarede det samme som Iste
vidne, undtagen han iche vidste garnets
lengde. Til 8de svarede i alt det samme
som Iste vidne. Til 9de, 10de, 11te, 12te,
13de, 14de, og 15tende spørmaaler sva-
rede han det samme som Iste vidne. Men
til det 16de spørmaal svarede vidnet,
at hand i dette aar har været med at
oprødde midtstrømmen i Haavaags-elven.
5te vidne, Rasmus Stangeland, svarede
paa Iste qvæstion som Iste vidne, und-
tagen hand har iche været ved fiskeriet
uden iaar. Til de øfrige 15 qvæstioner
svarede hand ialt som det første vidne,
uden forskiel, saasom hand har været
ved fiskeriet dette halve aar.

Citantens fuldmægtig frafaldt de 2de
vidner, Ole Nielsen Hougnestad og Svend
Nedre Hougland, da han var forsichret
ved foregaaende første vidner at have
beviist sin sag.

Hvorpaa 6te vidne, Gierdt Meeland, blev
fremkaldet, der paa citantens qvæstioner
svarede, nemlig: 1. Hvor lenge han
tiente ved Haavaags Laxefiskerie, og i
hvis forpagtnings-tiider? Svarede han
er 89 aar gammel, har tient her ved
Haavaags Fiskerie fra og til udi 30 aar,
og iblandt den tiid tiente han Sal. Hr.
Ludvig Schultz, Jørgen Thomesen og
Herman Høyer. 2. Spurt om han iche

har seet hvor Hrr. Munches laxegarn var udsat med sine dobber og tværstenger, og at det var laxens gang til Haavaags Fiskerie til fornermelse og skade? Svarede som spørsmålet indeholder, og at det icke alleene var Haavaags Fiskerie til skade, men endog de øvrige ved elven boende ovenfor til skade. 3. Om vidnet nogen tiid har fornummet, at saadant laxegarn har været udsadt i siøen af nogen præst paa Haae for ditto præstegaardz land, førend nu? Svarede Nej, icke i hans mindetiid. 4. Om Nærlandz opsiddere udi vidnets tiid nogensinde roede med sine hommerteiner langs og tværs og midt udfor Haavaags Laxefiskeries nodekaster, eller satte sine teiner strax udenfor Flogskiærene syndenfor hvor laxens gang falder udi sydlig vind, satte dem ved den nordre tangen ved (Ørsteenen?)? Svarede, de vidste de icke maatte gjøre det, og skeede icke heller, uden een gang, da de icke optog hommerteinerne i den rette tiid, da vidnet tog hommerteinene og kastede dem paa land. 5. Hvor Nærlandz opsiddere i vidnets tiid har haft deres fiskebaade staaende? Svarede at de hafde den i Nærems-støen. 6. Om der nu icke er meget dybere udi midtstrømmen og elvemundingen end det nogen tiid har været? Svarede Joe. 7. Om han icke har været med og kastet nood, hvor Hrr. Munch sit garn stod, nembliq ved Flogskiæret? Svarede Joe, een gang, som han kan mindes. 8. Svarede paa videre spørmaal, at her til Haavaags Laxefiskerie er 5 nodekast, saasom Heller, Storesteenen, Kollong, Flogskiæret og Douren. 7de vidne, Mons Biaadland, omtrent 82 aar, svarede paa det Iste qvæstion, at han tiende ved Haavaags Laxefiskerie for een 60 aar siden udi 3 aar, i Niels Kierulfs tiid, som den tiid var postmester. Til 2den post svarede at laxens gang til fiskeriet er ved Flogskiæret. Til 3die qvæstion svarede Nej. Til 4de svarede han, at de hafde vel deres baader liggende i Haavaag, dog paa den tiid at det icke var fiskeriet til nogen skade, og hafde samme med bevilling af høvedsmanden ved fiskeriet. Dog siger han, at deres rette baadestøe var ved Nærems nøstene. Og udi de tiider brugte icke hommerteiner eller kaster. Den 5te er besvaret i den 4de. Til den 6te qvæstion svarede han, sluttede de var dybere i midtstrømmen nu end i de tiider. Til 7de svarede, her er 5 kast til Haavaags Fiskerie af samme nafn som før melt er. 8de vidne, Rasmus Svensen Øglænd,

svarede paa alle spørmaaler det selv-samme som vidnet Gierdt Meeland, og ei videre.

Da Sr. Høyer fandt fornøden at tilspørne samtlige vidnene denne qvæstion, om de nogen tiid har bærmæet eller fisket lax paa Haae Præstegaardz land, eller at nogen bærmingsstæd paa do. Haae-land har været brugt, men at bærmingsstæderne er paa de yderste skiær og steene fra landet i aaben siø, som det af gammel tiid været haver? Hvortil de samtlig svarede, at det sig saaledes forholder.

Samtlige vidnerne som forindført blev derpaa af Retten fremkaldet for at beeedige deres aflagde vidnesbyrd. Hverpaa de fremstod og samtlige, med opragte fingre, efter loven, soer og bevandt, at deres vidnesbyrd i denne sag, ligesom og deres giørde anviisning paa aastædet, saaledes udi alle maader er rigtig.

Citanten, Jon Scheje, gjorde selv sin rettesættelse saaledes, at han paastod dom i denne sag efter de første vidners forklaring og conform lov og forordninger, Haavaags Fiskerie til beskiermelse. Men hvad sig sagens omkostninger angaar, da, endskiøndt derom, saavel som og paa fiskespilde, er stefnt, saa dog alligevel, efterdi contraparten i sagen er død, og hans efterladte Madame Munch igienlever med smaae børn, saa ville hand udi saadan consideration icke derom gjøre nogen paastand, men samme aldeeles eftergav. Og eftersom dagen nu er fast til ende, og parterne hafde icke videre at indvende, saa blev sagen optagen til doms til imorgen."

Avslutning og dom:

"Anno 1747, den 25de Augustj, blev Retten atter sadt paa aastædet Haavaag, og betjent med samme laugrett som igaar. Da citantens svoger, Hans Muller, møtte.

Blef da her udinden af Dommeren og Meddomsmændene saaledes for Rette dømt og avsagt:

Efter at nu Salig Hrr. Sigvard Munch, Sognepræst til Haae Kald, den 30te May indeværende aar, er befunden at have ladet udsette laxegarn med 2de anchordobber udenfor Haae præstegaardz land i siøen, haver lensmand Jon Tollachsen Scheje, som ejer af det halve Haavaags Laxefiskerie og bøxelmand eller forpagter af det 2det halve, hvilchet Stavanger Laugstoel allernaadigst er benificeret, den 10de Juni næst efter, paastefnt den behandling med foregivende, at saadant var til ermelte previligerede og skyldsatte fiskeries ruin, om ej det blef hemmet.

Hvorover, som der og tillige var indstefnt endeel vidner, og det befandtes at sagen i sig selv dependerede af siun og granskning, blef sagen den Iste July nest efter, fra det ordinaire Ting til aastædet henviist, og derom stefning udstædt den 10de July, og sagens foretægt berammet til den 23de Augustj 1747.

Imidlertid har det behaget Gud ved den timrlige død at bortkaldé velbemelte Hrr. Sigvard Munch, saa at hans efterladte enche, Madame Anne Leganger, har fundet sig aarsaget at frafalde og frasige sig sagen. Citanten, Jon Scheje, har iche desmindre, ifølge hans stefnemaal inden Aastæds-Retten, ladet afhøre 8 vidner, som af acten kan sees, hvilche fast alle eenstemmig bevidner paa-anchede garn og ankerdobbers udsettelse, hvis stæd af Rettens middel er foreviist, samt og at Haavaags Fiskerie er berettiget til 5 laxekast, Helle, Storesteen, Kollong, Flogskiær og Douren, item at paastefnte garn var fastsat ved det ytterste Flogskiær mit i laxens gang. Saadant aldrig været øvet i 60, 50 (aars?) og yngre vidners mindetiider, med ydermeere sigende, at om saadanne garn fremdeles blef tilladt at staa, enten paa samme stæd eller lengere sørefter udenfor præstegaardens land, ved den saakaldede «Svine-Hauge», ville saadant blive fiskeriet til ødelæggelse.

Av disse omstendigheder, og da Rettens Middel endog selv øyensufnlig har seet og fornummet, at dette previligerede og skyldsatte Haavaags Laxefiskerie iche kan blive bestandig til Hans Majestæts og ejernes fordeel, om iche saadan inhibition blef hemmet.

Saa kiendes og hermed av os for Rett dømmes og avsiges, at Haae Præstegaardz baade værende og kommende besiddere efterdags aldeles iche maa bruge saadanne laxegarn udenfor ermelte Haavaags Laxefiskerie, hverchen ved Flogskiæret eller syndenfor, saa nær at nogen hindring derved kan skønnes at have, men deri bør lovens 5te Bogs 11te Capt. 6te Articul, samt det Kongelige Rescript, datteret 28de Januarj 1739 og publiceret ved Hrr. Statholder Wibes skrivelse til Amtet den 18de Februarj samme aar. Saavidt laxens u-behindrede op- og nedgang angaar, ansees til beskiermelse, hvilchet saaledes efterrettelig holdes bør, under lovens bydende straf.

Angaaende processens omkostning, da, efterdi citanten samme selv har frafalden, saa bliver den og ophævet."

I sanning, Herr Sigvard Munch si preste-

tid på Haa fekk ein tragisk ende og eit noko tragi-komisk postludium. Med omsyn til koma hans til Haa, så har det vore sagt, at han for å få presteombodet måtte bryte trulovinga med si festermøy og gifte seg med enkja Anne Leganger Schultz. Men om dette er så, er vel uvisst.

8. Bendix Djurhuus, 1747-1766. Han var fødd i Stavanger 23-6 1706, død 1-1 1766, son til sorenskrivar på Jæren, Bendix Dyrhuus og kona Johanna Sophie Rasch. Gift med Marie Elisabet Pedersdotter Benneche, fødd 1710. I "Sjælemantallet" 1758 er førd pa Haa Prestegard:

Bendix Djurhuus, sogneprest, 52 år.

Marie Elisabet, (hans kone) 49 år.

Bendix Djurhuus, deres søn 24 år.

Peder Michael do 22 år.

Anna Bergitte, datter 18 år.

Jon Torchelsen Grødem, tiener 29 år.

(Sjå Vigrestad, Varhaug 28.)

Tierand Omundsen Opstad, do 21 år.

(Sjå Opstad 23. 2.)

Johannes Jacobsen, gift, do. 30 år. (Sjå Anestad 29. 2.)

Lars Svensen Hejen, do. 14 år. (Sjå Høyland 37. 1.)

Sønøve Rasmusdr. Garborg, do. 28 år.

Aase Christensdr. fra Lyngdal 26 år, tiener.

Det er leidt at me ikkje har andre kjelder å ause or enn Tingbøkene, når det gjeld prestane. Me ville så gjerne sett meir av presten og humanisten, og ikkje berre prosedøren og profitøren. Men Tingbøkene har nøgda av slike saker som ikkje tenar Hrr. Diurhuus til heider.

Kvie Skipreideting 11-11 1750. "Procurator Sr. Kirsebom, for Knud Biørnsen og Jon Kielland af Sogndahl, tilkiendegav at have ladet mundtlig stefne Sognepresten, velærværdige Hrr. Bendix Diurhuus for indeholdende auctionspenge af Sal. Hrr. Prals sterfboes midler, 57 Rdr. 2 ort 5 skilling, derom at lide dom til bethaling med renter og omkostninger. For Hrr. Diurhuus møtte ingen efter paa-raabelse. Men stefnevidnerne Christen og Cornelius Nessem, som ved eed afhiemlede stefnemaaletz lovlige forkyndelse, og desuden anviiiste lensmanden et brev om dette stefnemaal, hvorpaa velærværdige Hrr. Diurhuus har tegnet saaledes: Stefnemaalet til mig forkyndt ved Christen og Cornelius Nessem, vedstaar. Haae den 23de October 1750. B. Diurhuus. Derefter fremlagde Sr. Kirsebom velbemelte Hrr. Diurhuuses skrivelse til den ene citant, Knud Biørnsen, datteret Haae Præstegaard 3die May 1750. — Efter

hvilchet Messive paastaaes at debetor, efter egen forskrivelse, samt lovens 5te Bogs Iste Capt. Iste Articul maa tilfindes at betahle paasøgte auctionspenge = 57 Rdr. 2 ort 5 sk. med renter fra 6te ugedagen efter auctionen udi afgangne Hrr. Prals boe, indtil betahling skeer, samt at erstatte alle paa sagen anvendte og tilvoxende omkostninger, som til dato = 7 Rdr. Hvorom han paastod dom.

Efterdi det ej var Kirseboms leilighed at føre Hrr. Diurhuuses begiæring efter hans skrivelse af dags datum, hvori han anbyder vexelobligationen indtil anstundende Juul eller Nytaar med løfte da at betahle, hvortil Kirsebom ingen ordre havde, ej heller kunde fortro sig til det løfte som ofte tilforn har feilet. Hvilchet brev blev dommeren anvist og tilbage leveret Kirsebom. Sagen optages til doms. Er da saaledes dømt:

Velærværdige Hrr. Diurhuus, som ved lensmanden har ladet tilstaa lovlig være stevnt, og ellers med egen haand tegnet og agtet det samme for rigtig, hans egen Messive med, og beviser kravet, de paasøgte 57 Rdr. 2 ort 5 sk. til afgangne Hrr. Prals sterfboe, og nu citanterne at være pligtig, tilfindes hermed samme at betahle med paastaaede 7 Rdr. udi sagens omkostninger at erlegge, under nam i hans boe, efter loven."

Videre finn me same stad og same dato: "Procurator Kirsebom, for Madame Anne Leganger, Sal. Hrr. Munches, anmeldet hendes mundtlige stefnemaal imod Sognepræsten velærværdige Hrr. Bendix Diurhuus, for Capital 336 Rdr. 2 ort 7 sk. med renter fra 31te May 1749 indtil betahling skeer. Item for een koe, efter accord, 6 Rdr. om alt at møde i Retten til dette Ting og taale dom til betahling med processens omkostning at erstatte. Velærværdige Hrr. Diurhuus blev paa-raabt. Da han lod svare ved lensmanden Tosten Erichsen, efter præstens anviste skrivelse af dags dato, af den indhold, at velbemelte Hrr. Diurhuus begiærer sagen opsadt, enten til førstkommande Sommerting eller efter Øvrighedens godtbefindende, til Extrating, og at hannem dertil maatte forundres saa lang tiid, at Madame Munch kunde lovlig stevnes contra. Hvorom han lod anvise en kaldseddel, datteret 11te October 1750.

For citantinden producerede Kirsebom først Hrr. Diurhuuses original-skrivelse af 31te May 1749 til Madame Munch, dernest et Messive til hende, datteret Haae den 16 October 1750, til beviis om at enda intet paagielderen var avbetalt,

men over betahling med det første. Efter hvilchen beskaffenhed Kirsebom satte i rette, at velbemelte Hrr Diurhuus maa tilfindes, saa vel efter sin første skrivelse, at betahle paasøgte 336 Rdr. 2 ort 7 sk. følgelig lovens 5te Bogs Iste Capt. Iste Articul. Item verdien af koen, som ei modsiges, accorderet til 6 Rdr."

Etter videre prosedyre med utgreidingar og mykje snakk var fylgjande

"Afskeediget"

"Som velærværdige Hrr. Diurhuus foregiver at have contra-regning, og til saadant at bevise anvist her i Retten hans contra-stefning. Saa opsættes sagen til næste Ting 1751. Til hvilchen tiid han da fremkommer med alt hvad han imod citantindens krav maatte have at indvende. Da videre skal gaaes efter loven." Ennå ein smakebit:

"Sommertinget for Valle Skibrede, Anno 1751, den 3die July. Hrr. Bendix Diurhuus har ladet stevne sin tjenestedreng Ole Olsen for opsætsighed, og fordi han er løben av hans tjeneste, med videre. Indstefnte dreng møtte, saa og 2de vidner, Erich Johannessen Opstad og Christen Nessem, den 3die, Jacob Tørressen, er paa sessionen.

Vidnerne blev fremkaldet, saasom først Erich Opstad, avlagde eed og vandt, at for 14 a 15 dage siden, som vidnet sad i Lillestuen paa Haae Præstegaard og fich sig mad, imidlertiid kom præsten, Hrr. Diurhuus, ind i stuen og talte drengen noget til, men hvad det var erindrere vidnet iche, hvorpaa drengen, Ole Olsen, i det samme slog næven i bordet for præsten og spurte om han havde staalet noget fra ham. Siger ellers at præsten slog drengen saa han blødde. Men enten det var før eller siden drengen slog i bordet, erindrede vidnet iche.

2det vidne, Christen Nessem, var beskienket, kunde derfor nu ej til vidne admitteres. Thi beror sagen til næste Ting, og de andre 2de vidner da at møde."

Videre samme stad og dato:

"Fra næstforrige blad, udi sagen imellem Madame Munch og velærværdige Hrr. Bendix Diurhuus, blev saaledes inden Retten dømt og avsagt: De udi Retten av citanten (Diurhuus) producerede 2de brever fra velærværdige Hrr. Bendix Diurhuus, det ene datteret 31 May 1749 og det andet under dato 16 October 1750, forbinder ham at være hende pligtig den summa 336 Rdr. 2 ort 7 sk. Nu har vel Hrr. Diurhuus seneste Ting anvist i denne Rett et contra-stefnemaal, datteret 11 October 1750, men nu ei beviist

at samme er forkyndt for vederpartinden, Madame Munch, men alligevel idag fremkommende med sin regning, hvori han iche vil tilstaa at være sagsøgerinden skyldig meere end 19 Rdr. 1 ort. Og da samme iche forhen er anviist Madame Munch, og derpaa iche heller er anlagt søgemaal, saa avsiges for Rett, at velbemelte Hrr. Diurhuus bør, efter sine forskrivelser, betahle til citantinden, Madame Anna Munch, de paastevnte og tilstaaede 366 Rdr. 2 ort 7 sk. tilligemed udi denne sags omkostninger 6 Rdr., som udreedes bør 15 dage efter denne doms lovlige forkyndelse, under nam efter loven. Hans regnings-præsentation imod hende efter lovlig søgemaal reserveres." På Haust-tinget for Valle skipreide den 8-11 1751, tek ei ny sak til mot Jon Skeie om Haavågs Laksefiske, reist av Djurhuus med fleire. Det er ei lang sak, men ho er så forvitneleg, at eg kan ikkje la vera å ta henne med.

"Procurator Lyder Kiergaard, paa velærværdige Hrr. Bendix Diurhuuses vegne, fremstillede sig for Retten og producerede hans skriftlige stevning, angaaende hvor stor berettigelse de forrige præster til Haae Præstegaard har haft til landstrækning udenfor bemelte præstegaard, alt til et lovskichet tingsvidnes erhvervelse. Stevningen befindes under Hrr. Diurhuuses egen haand, datteret 8de October 1751.

Jon Scheje møtte, tilstod lovlig være stevnt. Dernest producerede Kiergaard det udi sagen allernaadigst forundte Beneficiums Paupertatis, datteret 21de August 1750. Videre hans requisition til Stiftet om een u-partisk Laugmand i sagen, datteret 16de April 1750, og Resolution 15de Maj ditto.

Endnu insinuerede Kiergaard velædle og velærværdige Provst Lars Legangers attesterede udtog av Jederens Stifteprotocoll for de præstelige, alt betræffende hvorvitt citantens ancestorer har nydt (Intra-? tes) av det paa-ankede laxefiskerie.

Jon Scheje begjærede indført i anledning av Prousten Hrr. Legangers attest av Skifteprotocollen, at tilspørge procurator Kiergaard om han noget paa Hrr. Diurhuuses vegne havde til bevis paa hans sogning, saasom enten ejendoms-brever eller Beneficier for liden eller stor part i Haavaags skyldsatte fiskerie, han da samme nu ville fremviise.

Kiergaard ville dertil svare lensmanden Jon Scheje, at han iche tenker det emelte Jon Scheje skulde falde paa saa

u-rimelige tanker, at jo Hrr. Diurhuus er beneficeret med Haae Præstegaardz indkomme, og alt andet underliggende, hvad beviiserne angaar, han paaraaber, da er det jo den ting hvorom han i conformite av sit udstædte stevnemaal agter at fremføre levende beviser. Hvorfor Kiergaard efter loven paastod, at de indstevnte vidner maatte til examination eedfæstes. Jon Scheje formeente, at Hrr. Diurhuus aldrig skal kunde beviise at være noget beneficeret i dette fiskerie.

Vidnerne blev fremkaldet. Fremstod da først Erich Olsen Haar, avlagde eed og vandt, at 1714 havde han tjent paa Haae Præstegaard hos Hrr. Ludvig Schultz udi ^{31/2} aar, da brugte Præsten det hele Haavaags Fiskerie. Men enten han ejede det, eller og han forpagtede det, er vidnet u-vitterligt. Kiergaard begjærede at vidnet maatte tilspørges, om han veed nogen andre har haft rettighed til Haae-landetz strækning, saa Haapræsterne iche har maattet benøtte sig derav. Svarede Nej, der brugte ingen dette laxefiskeri uden præsten i de tiider. Brugte iche heller garn i siøen, men træchede med nood paa skiæret. 2. Om vidnet veed at forklare, at Laugmændene har haft større ret til sit beneficerede land end præsterne paa Haae til Haae-landet? Svarede, han vidste intet derom. 3. Spurt om vidnet veed hvorvitt Haavaags Fiskerie da strækkede sig, at han da ville nafngive hvor mange stæder der hører til nodekastet? Svarede han erindrede det iche. 4. Spurte vidnet om det nogen sinde har været præsterne, førend Salig Hrr. Munch, paa Haae forment at sætte laxegarn udfor sit eget land? Svarede, i hans tiid blev aldrig brugt garn men nod, som før er melt. 5. At forklare, efter vidende, hvor eller paa hvad sted de som har fisket i Haavaag, som enten ejere eller forpagtere er komne iland med deres baad, og hvor laxeboden tilforne har staaet? Svarede, noden blev bærmert paa de ordinaire skiær udenfor alt land i siøen, men præsten havde nodeboden staaende paa Haae-landet. 6. Om iche Haavaag er nu meere opfyldt end tilforne, at der kunde opgaae en jagt paa 70 til 80 tdr. kornlad, men kan nu iche een lodbaad opkomme, og hvad dertil kan være aarsage? Svarede han, at naar de skulle have præstens jagt op og ud, maatte den være ganske tom, og maatte dog passe paa med høit vand. Jagten mener han er paa 140 tdr. 7. Om vidnet veed hvad forandring eller forskiel Haavaags Fiskerie bruges nu, fremfor tilforne, baade i henseende til dybet for

laxens opgang i elvemunden, som og ovenfor i selve Vaagen? Svarede han vidste intet derom. 8. Endelig spurte vidnet om han veed at Sal. Hrr. Ludvig Schultzets formand, Hrr. Peder Leganger, saavel som ermelte Hrr. Schultz, har brugt og benøttet laxefiskeriet i Haavaag og videre præstegaardens tilhørende ejendom? Svarede, det vidste han iche. Refererede sig til sit forrige. Videre havde Kiergaard iche denne sinde, under lovlig reservation, at tilspørge dette vidne, men begiærede at paafølgende vidner samme moverede qvæstioner maatte tilsvare. 2det vidne, Tore Pedersen Kydland, avlagde eed og vandt, at for omtrent 37 aar siden tjente hand hos Hrr. Ludvig Schultz paa Haae udi 2de aar, det ene aar med Erich Haar, og da brugte forbemelte Hrr. Ludvig fiskeriet. Hørte andet aar at han havde forpagtet det. Til 2den post svarede, han vidste intet derom. 3. Svarede der var 4 kast, men det 5te kast er udenfor Nærlandz-landet. 4. Svarede at der blev aldrig sat garn udenfor Haae-landet, kunde altsaa ej heller forbydes. Til 5te post svarede, at da præsten brugte fiskeriet, havde han baaden staaende paa Haae-landet, men da nogle fra Stavanger, før den tiid, brugte fiskeriet, da havde de baaden paa Nærlandz-siden, hvor Jon Scheje nu har det. Svarede han vidste iche andet end det var nu som før, vidste ingen forandring. Til 7de og 8de post svarede det samme som forrige vidne. Har ellers hørt, at Hrr. Peder holdt een mand paa den y8 part, men om han eiede eller lejede det, vidste han iche. I anledning dette vidnes forklaring fandt Kiergaard sig beføjet videre at qvæstionere om Haapræster, een efter anden, har givet nogen avgift av Haavaags Fiskerie av den % deel som omvundet er? Svarede, det var sagt for ham, at præsterne svarede sin tribut derav, men hvad bekostning han udlagde til redskaben, det vidste vidnet iche. Jon Scheje tilspurte begge vidnerne, om de veed at Haapræsterne nogen tiid havde garn i søen? Svarede begge Nej. 2. Spurt om der iche er land noch søndenfor Ref-tangen til Obrestad-skiftet som kan sættes garn av præsten, om han iche trengde sig ind i Haavaags Laxefiskerie? Vidnet Erich Haar vidste intet herom, men Tor svarede, der var land noch, men hvad det kunde hjælpe præsten, det veed han ej. Jon Scheje fremlagde hans meddelte skiøde paa y2 part i Haavaags Laxefiskerie, datteret 22de Augustj 1729, og en do. skiøde, datteret 24de Februarj 1738. Item

fremlagde hans bøkelsæddel paa det andet halve fiskerie, datteret 27de October 1729. Sr. Kiergaard begiærede beskreven hvad passeret, som tingsvidne, meddelt under fuld forzeigling, som bevilget blev." På Kvia skipreideting 10-11 1751: "Procurator Sr. Lyder Kiergaard, paa hans velærværdighed Hrr. Bendix Diurhuuses vegne, fremlagde et skriftlig stevnamaal imod lensmanden Jon Scheje, til et tingsvidnes erhvervelse, angaaende Haavaags Laxefiskerie. Jon Scheje møtte, tilstod at være lovlig stevnt. For Hrr. Laugmand Undal møtte ingen. Av vidnerne indfandt sig Michel Grødem. Da Kiergaard insinuerede hans skriftlige qvæstioner til vidnerne, som han begiærede maatte føres til Acten og for hvert vidne oplæses, og deres svar indhentes. Hvor paa forbemelte vidne, Michal Grødem, fremstod, avlagde eed at ville vidne sandhed. Svarede da paa den Iste qvæstion, at for een 54 aar siden tjente han paa Søyland 6 aar, og i denne tiid veed han, at daværende Sognepræst paa Haae, nu Salig Peder Leganger, holdt een dreng ved fiskeriet, men hvad part han havde, veed vidnet iche. Paa 2den qvæstion svarede han, at han vidste intet derav. Til 3die qvæstion svarede, om fiskerietz brug ved præstegaardens land vidste han intet, men var sagt, at præsterne brugte 8de parten i Haavaag. Om 4, 5, 6, 7, 8, og 9de poster vidste intet. Til 10de post svarede, han have ej hørt andre været forbundet end Hrr. Munch. 11te post, vidste han intet om. 12te svarede, han kan mindes een tiid at laxeboen stod paa Haae-landet, men hvor det var, erindres iche. 13de post vidste han intet om. Om 14, 15 og 16de spørmaaler vidste han intet. 2det vidne, Tore Gausland, avlagde eed at ville vidne sandhed. Har tjent hos Salig Hrr. Munch i 2de aar, veed intet om de første 6 spørmaaler. Svarede paa den 7de post, at de Haavaag bærmer paa 3 a 4 skiær udenfor Haae-landet, men præsten hafde intet i fiskeriet. 8de post er det samme, undtagen han siger, at disse steene ligger mest nermest Haae-landet. 9de og 10de poster vidste han intet om. Siger Hrr. Munch havde intet garn der i vidnets tiid, men vel oppe i Vaagen, ligesom de Nærland. 11 og 12te iche heller, men siger det skal være sagt, at i forrige tiider skal node-boden have staadt paa Haae-landet, hvor tomter endnu viiser. Om 13, 14, 15 eller 16de poster vidste han intet. 3die vidne, Erich Johannesen Opstad, av-

lagde eed at ville vidne sandhed. Svarede, at for een 36 aar siden tjente han paa Haae hos Salig Hrr. Schultz i 5 aar. Paa Iste post var hans svar, at i 2de aar, da Herman Høye (r) brugte Haavaags Fiskerie, havde Hrr. Schultz en 8de part i noden og en 8de part i fisken, samt een mand til St. Hans-tiid. 2den post vidste han intet om. 3die post brugte intet fiskerie uden med noden, med forpagtere og lejedon, Hrr. Peder Leganger, saa at naar han iche havde forpagtet alt, saa havde han dog den 8de part med forpagteren. 4de post er besvaret i den 3die. Paa den 5te post, sagde at siden havde Hrr. Ludvig Schultz forpagtet det hele Haavaags Fiskerie, men hvor lenge, vidste han iche. Paa det 6te spørmaal svarede han, de bærmeye i elven og iche paa noget land, paa de steene som før er omvundet. 7de post er besvaret i den 6te, siger ellers de bærmeye da ichun paa 2de steene. 8de post er besvaret før. Paa den 9de post svarede han, at i de 5 aar brugte de fiskeriet ichun paa de 2de stæder. Paa 10de post svarede han, han vidste intet, satte garn udenfor Haae-landet førend Salig Hrr. Munch. 11, og 12te poster, sagde han, i den tiid Hrr. Schultz havde alt fiskeriet stod baade boen og baaden paa Haae-landet, ligesaa og da Herman Høyer brugte det. Til 13de post svarede, han veed iche om der blev svaret nogen avgift av den 8de part eller ej. Til den 14de post svarede han, at i hans tiid røddede de i elven i havmundingen, for at jagten skulde der gaa op, men om der er saa dybt nu, veed han iche. 15de post, sagde at Hrr. Schultz havde under tiden jagt paa 120 og under tiden paa 100 tøn-der, som var aarsagen hvorfor de maatte rødde.

4de vidne, Ole Hansen Norvarhaug, er syg, møtte derfor iche.

5te vidne, Carl Høneland, avlagde eed at ville vidne sandhed. Svarede, at for om-trent 30 aar siden tjente han ved Haavaags Fiskerie, og til svar paa den Iste post, sagde at da brugte Hrr. Ludvig Schultz det hele fiskerie. 2den post vidste intet om. 3die post, i hans tiid blev hverken sadt garn eller kastet med nod udenfor Haae-landet, alleene i Haavaag, er sagt at Hrr. Peder Leganger ogsaa brugte bemelte Haavaags Fiskerie. Om den 4de post veed han intet. Har vel hørt tale derom, men om det er sandt veed han ej. Om 5 og 6te poster vidste han intet. 7de post er besvaret i den 4de. 8de post, sagde at nodekastet ligger nermere Haae-landet end Nærlandz-landet. 9de

post kunde ei viide det var lengere end hvor de kastede noden. 10de post, sagde at det vidste han iche. I hans tiid var ingen garn udsadt der. 11 og 12 post, svarede at han veed at laxeboen og baaden har staaet baade paa Haae-landet og Nærlandz-landet. De 4 siste poster veed han intet om.

6te vidne, Mogens Biorland, avlagde eed at ville vidne sandhed. Og til den Iste post svarede, at for 60 aar siden var han ved Haavaags Fiskerie. Da havde Niels Kierulf i Stavanger forpagtet fiskeriet i 3de aar. Men naar de kom med noden derhen, saa lod og præsten, Hrr. Peder Leganger, sende sit støche, 8 favner, for den 8de part. Men om han betalte nogen avgift til forpagteren, det veed vidnet iche. Til 2den post svarede, nodekast eller garn blev da iche brugt udenfor Haae-landet. 3die post vidste han intet om, har hørt at Sal. Hrr. Ludvig ogsaa brugte det. 4de post, Hrr. Peder fich een 8de part av fisken. 5 og 6te poster vidste han intet om. Til 7de post siger han, at de brugte de 3 kast som forhen er melt. Og til 8de post sagde han, bærmeyingen skeede paa 3 a 4 steene, de 2de var næst Haae-landet og den 3die ved Nærland. 9de post, Stræchningen av fiskeriet regnes fra Refs-tangen, hvor fisken har sin gang opefter, og siden saa langt de kaster med noden i Haavaag. 10de post, Garn blev iche brugt, hverken paa Fugleviigen eller deromkring. Iche heller ville prousten, Hrr. Peder Leganger, at det maatte skee, for iche at hindre Haavaags Fiskerie. 11 og 12te poster, svarede, at da stod laxeboen og baaden paa nordre siide av Haavaag. De 3 siste poster vidste han ej videre om end da han var i Haavaag for nogle aar siden, syntes han dybet i Haavaag var det samme.

7de vidne, Anders paa Rongen, avlagde eed og vandt, at for 23 aar siden tjente han ved Haavaags Fiskerie, og da brugte Hrr. Ludvig Schultz alt fiskeriet. Om den 8de part veed han intet. Garn blev ej brugt udenfor Haae-landet. 3 a 4 nodekast er i Haavaag, deels nermere ved Haae-landet og deels ved Nærlands-landet. Fiskeriet er sagt skal stræche sig til Ræfs-tangen og Fugleviig. Laxeboen og Baaden var da paa Haae-landet. Om dybet i Haavaag meente han at det var det samme nu som før.

Jon Scheje tilspurte de 2de gamle vidner, Mons Biorland og Anders paa Rongen, om de iche er bekiendt, at det første de som bruger Haavaags Fiskerie seer laxen at nærme sig til bemelte fiskerie, det er da

paa Fugleviigen uden og væstenfor Haae Præstegaards land. Hvortil de svarede Ja, at saa var det i deres tiid, imod nordenvind og strøm. Men naar laxen kommer nordenfra, i søndenvind, saa kommer han ej den vej. 2. Spurt om iche paa søndre side af Refs-tangen er land noch for præsten at udsætte laxegarn alt til Obrestad-skiel og skifte, saa han ej haver fornøden at trengre sig ind i Haavaags Fiskerie? Begge svarede Ja.

Sr. Kiergaard fandt sig anlediget, av Jon Schejes 2den Qvæstion, at tilspørge vidnerne, om de veed at med alle vinde og strømme kan være til hinder for laxens gang av den vilde sø, naar garn er udsat paa den saakaldede Fugleviig? Begge svarede at i nordenvind er garn paa den stæd til skade for fiskeriet, for da veed de, at laxen kommer der, men udi søndenvind veed de iche at have seet ham der. Citanten lod ved Sr. Kiergaard begiære disse tingsvindner beskrevet, som bevilgedes."

Ved nær sagt kvart ting i Kvia skipreide var Bendix Diurhuus innblanda i ei eller annor sak, anten som saksøkjær eller som saksøkt. Me skal ta med ennå nokre dømme:

Kvia Skipreideting 13-7 1753:

"Madame Munch lod ved procurator Simon Hagedorn eske sagen i Rette contra velærværdige Hrr. Bendix Diurhuus for paasøgte 244 Rdr. 2 ort 21 sk. Leverede derpaa her i Retten den av contraparten udgivne vexeobligation. Hrr. Diurhuus blev paaraabt, men hverken han selv eller nogen paa hans vegne indfandt sig. Thi fremlagde Sr. Hagedorn Madame Munches laugværges, — Hrr. Byefoged Ringholms forfattede indlæg i denne sag, datteret 25 Juni 1735 (1753?). Videre viiste han den Laugtings-dom, nu paasøgte penge angaaende, hvis paaskrift blev oplæst, at den sag var avgiordt ved nu paastevnte vexeobligations do. paaskrift, datteret 25 April 1752, under Prousten Hrr. Laurs Legangers og Hrr. Bendix Diurhuuses hand. Hvorefter procurator Hagedorn paastod dom ifølge det leverede indlæg, paa Capital og rente indtil betaling skeer, saa og hans rejse bekostning her til tinget, med sallærium i det mindste 12 Rdr."

Same stad og dato:

"Sr. Jakob Meelhuus i Eggersund har ladet stevne velærværdige Hrr. Bendix Diurhuus for ham skyldig værende laante penge 27 Rdr. og rente fra hand udgivne haandskrifts datum indtil betaling skeef, for alt at liide dom med omkostning.

For Hrr. Diurhuus møtte ingen. Thi fremstod stevnevidnerne Ole Rasmusen Bø og Ole Lindal, som ved eed bekræftede, at han var lovlig stevnt. Forelæggelse: Velærværdige Hrr. Bendix Diurhuus forelægges laugdag at møde med sit tilsvær til næste Høsteting og beviis imod kravet, om det haves, og derefter at anhøre dom."

Den 14. november 1753:

"Madame Anna Munch havde ladet indstevne præsten Hrr. Diurhuus for hendes encephension = 24 Rdr. paaløbende renter, derfor at liide dom efter loven.

Ved denne Madame Munches stefning angaaende hendes encephension lod præsten Hrr. Diurhuus ved sin søn indføre, at endskiøndt han i 3de aar har betalt Madame Munch aarlig 24 Rdr., i henseende han tænkte baade at kaldet skulde kunde taale det, og han formeente at have med en retskaffen enche at bestille, saa maa han nu mærche baade at kaldet ej kan taale det, og at enchens opførsel imod ham til denne tiid har aarsaget ham at lade encephensionen komme an paa Proustens med 2de præsters ligning, efter loven, for at se hvad han haver betalt meere de 3de aar end han burde, som ham da maa tilgode komme til at betale. Hvilket alt han formeener denne Rett ej kan tilkomme at dessidere udi, og derfor exceperer baade imod dette stefnemaal og dettes forum.

Af Retten Afskeediget: Dersom Madame Munch lovlig beviiser enten ved ligning at være skeed, eller og en lovlig accordt, angaaende hendes pension af Haae Kald, saa bliver det at paaskiønne om iche velærværdige Hrr. Bendix Diurhuus er hendes debitor, og naar saa er, saa er han tillige vitterlig forbunden at sortere under dette forum. Og altsaa bliver denne sag opsadt til næste ting, da begge parterne til samme tiid forelægges at indfinde sig, citantinden med beviis paa hendes siide, og velærværdige Hrr. Diurhuus med hvad rimeligere forsvar han behagentlig nødig eragter."

Valle skipreideting den 11. juli 1754:

"Sognepræsten til Haae Kald, velærværdige Hrr. Bendix Diurhuus, hafde til dette ting ladet indstefne Ole Hansen Qvassem for hans udgydende skiels- og ubeqvemsord, saavel paa præstens embede som paa hans person, hvorom adskillige vidner vare indstefnte. Men som lensmanden, Lars Haar, forgaf ej loflig at have stefnt, saavel vidnerne som den paagiældende til paahør, saa lod velærværdige Hrr. Diurhuus, ved sin svoger Sr. Ringholm, reservere sig continuations

stefnemaal til anstundende Høsteting, hvorved de hannem nu tilføjede beskyldninger formodentlig blev hannem (redresseret?)

To dagar seinare, den 13-7 1754, på Kvia skipreideting på Hobberstad:

"Sr. Leth, paa monsieur Henrich Rythers vegne, eskede den opsatte sag i Rette contra Hrr Dyrhuus, hvor han da dernest alleene afventede den paagieldendes tilsvær, søgemaallet betreffende. Og efter at der var udraabt 3de sinde udenfor tingdøren, men hverken velærværdige Hrr. Dyrhuus eller nogen paa hans vegne indfandt sig, saa ville procurator Leth behage at procedere sagen til doms.

Procurator Leth dernest producerede pro primo, een rigtig specification over de bekomne varer for paastefnte summa de dato Amsterdam den 27 September 1746. Pro secunda, den paagieldende, velærværdige og velædle Hrr. Dyrhuuses 2de skriftlige forpligtelser om giældens sikre betaling, tillige med begiær om delation qvartaliter at betale, alle belagt vedbørligt stemplet papir, hvoraf det første Hrr. Dyrhuuses bevis af 3 Februarj 1753, og det andet 3 Augustj s. Anni, som han ærbødigst begiærede oplæst. Da den paastevnte summa med Hrr. Dyrhuuses 2de egenhendige underskrevne beviser nu er oplyst og bevist, saa paastod Leth ej allene dom til giældens betaling, men end ogsaa processens skadeløse erstatning, 8 Rdr. Da sagen nu saa længe haver henstaaet, og pengene imidlertid fra hans forpligter-brevs udsættelse, og fra den tiid de crediterede varer er ham betroet, frugtesløs har henstaaet.

Hvornest Leth ærbødigst indstillede sagen under Final Dom. Men som det fornemmes at Hrr. Dyrhuus ej nogen varsel er forelagt, saa beror sagen til næste ting, da sagsøgeren, paa sine principalers vegne, foreleggelsen maa iagttage, hvorefter dom kan forventes efter loven."

Same stad og tid:

"Den sag imellem Madame Munch og Hrr. Dyrhuus, follio 213, enchepensionen angaaende, blev ej i Rette esket, hvorfor den beror til næste ting."

Valle skipreideting 9-11 1754:

"Den sag imellem Hrr. Diurhuus og Ole Qvassem blev bevist ved Hrr Diurhuuses egen haand (skrift), datteret 21 October 1754, at være forligt."

Same stad og tid:

"Sognepræsten til Haae Kald, Hrr. Bendix Diurhuus, hafde ladet indstefne efterskrefne huusmænd, for de ej vil gjøre deres huusmandz-arbejde, nemlig: Pe-

der Gundersen Rørhougen, er stefnt for 2 dage, siger at have gjort een arbejdsdag. Ole Endresen Aaen, stefnt for een dag, møtte iche. Søren Nielsen Roullen (Rullen) stefnt for 2 dage, møtte og sagde at have gjort een arbejdsdag. Stig Hansen Hejen for 2 dage. Den sidste er forligt, og at den ene som iche møtte var loflig stefnt tilstod Ole og Tiærand Schretting ved eed. Og som den ene indstefnte iche møder, saa beror sagen til næste ting, da videre skal behandles hvad lovligt er." To dagar seinare, på Hausttinget for Kvia skipreide, 11-11 1754:

"Procurator Leth eskede den opsatte sag i rette contra Hrr. Diurhuus. — Imod laugdagens i retteleggelse havde præsten Diurhuus dette indsigende, at der for halvandet aar eller mere siden er gaaet stevning ud fra de fuldmægtige i Holland, nemlig (Wediete og Wend?), og paa hans vegne for det første Sr. Lyder Kiergaard er paatalt sagen, men siden ved de 2de ting sidst afvigte høst og nu sidste Sommerting, ej er bleven videre inciteret. Altsaa holder denne laugdag ham forelagt ej lovgyltig, men bør skee ham een lovligere indvarsel, og derpaa begiærede den velædle Dommers desission for det første.

Sr. Leth, som maatte formene at Sognepræsten, velærværdige Hrr. Bendix Diurhuus, ved sin første protocollation alleene søgede udflugter for at forlænge tiiden til giældens afbetaling, sig selv til skade, da det allerede ved de incicerede documenter bevises af den indstefnte selv udstæt og underskreven, som paa Sommertinget i dette aar blev indleveret, hvorved han sig forpligter til viss tiid fordringen at afbetale for nu alt et aar siden, som er u-efterkommet. — Og da velærværdige Hrr. Diurhuus nu haver foraarsaget sig til dette ting forelagt, samt lader her hid til Tingstedet at rejse 3V2 mill, saa at da Hrr. Diurhuus samme bliver tilfunden at erstatte for skyds og travallie, møye og andet 2 Rdr. —" og slik bortetter i det uendelege. Slutteleg sette Leth fram påstand om dom. Og etter mange dikkedarier og talemåter av Retten, vart "saaledes af Retten Afskeediget:

Da velærværdige Hrr. Diurhuus forlanger opsettelse paa grund at han vil beegne sagen med contrastefning, og ingen foreleggelse skeed for ham førend nu til dette ting, saa bliver hannem opsættelse til næste ting og Rett 1755 forundt, da han til den tiid ville indkomme med det belovede, at sagen uden videre opsettelse kan gribe ende."

Same stad og tid:

"Velærværdige Hrr. Diurhuus har ladet indstevne Madame Munch med laugværge og fleere vedkommende angaaende een af ham udstædede vixelobligation for 244 Rdr. 2 ort 2 sk., alt efter en skriftlig stefning, datteret 16 Augustj 1754, som blev oplæst. Ved samme stefning fulgte og en copie med paaskrift at være forkyndt for Madame Munches broder, Sognepræsten til Aremarch Kald i Aggerhuus Stift, velærværdige Hrr. Proust Laurs Leganger. Og eftersom velbemelte Hrr. Leganger ved paaskriften har ladet tilføje en exception, at ermelte stefning aar og dag efter udstædelsen skulle være ham anvist, saa forklarer sagsøgeren, at det kom allene deraf at aarstallet paa copien var forskreven, nemlig isteden for 1754 stod 1753, som han forment ej kunde skille noget, ellers handles rigtig. De indstefne blev paraabt, men møtte iche. Og endskiønt de sagsøgte befindes at være lovlig stefnt, saa vil det dog være fornøden at de efter loven nyder forlængelse. Men imidlertid kunde Hrr. Diurhuus behage at fremlegge hvad han ellers til sagens oplysning maatte have i sinde, om han saa synes.

Citanten begiærede, at den gunstige Rett ville behage at forunde ham en lovlig gienpart af saadant nu i denne sag er tilført, saasom han behager samme at procurere udi den Høy Kongelige Oberhøiste-rett udi en anden sag som han derhen haver ladet indstefne, og dog er de samme penge betræffende.

Hvorpaa af Retten blev afskeediget:

Det forlangte skal vorde velærværdige Hrr. Diurhuus beskrevet meddelt. Og da de sagsøgte Herrer, selv eller ved andre, iche har ladet svare for sig, saa forelægges dennem laugdag at møde til næste ting, da at svare for sig og efter omstendighed at høre dom."

Kvia skipreide Sommerting 12-7 1755:

"Udi sagen imellem de Hollandske kjøbmænd Wendel og Hrr. Dyrhuus er saaledes dømt og avsaagt:

Søgemaalet som monsieur Rytter har ladet anlegge paa de Messiurer (Weidich & Wendels) vegner imod velærværdige Hrr. Bendix Diurhuus for krediterede 100 gylden 7 styver Hollandsk courant er bevist baade med velbemelte Hrr. Diurhuus brev av 3 Febr. og med en anden skriftlig tilstaaelse av 3 Augustj, hvorudi han har lovet qvartaliter betaling, som han alt siden denne sags begyndelse 1753 og hidtil ej har bevist at være skeet. Altsaa avsiiges for Rett, at meerbemelte

Hrr. Diurhuus bør betale til sagsøgeren, Sr. Rytter paastefnte 100 gylden 7 styver, eller i dansk courant beregnet til 45 Rdr. 3 ort 23% sk., samt udi sagens omkostning, med saa mange ting-reiser, ialt 5 Rdr., saavel som lovlig interess av capitalen indtil betaling skeer, der alt saaledes udredes bør under lovlig tiid og adfærd."

Og Hrr. Diurhuus sine intriger og krumspring held fram. Men me skal ikkje vera for strenge i dommen over han. Han var ikkje meir enn eit menneskje. Økonomisk sat han tungt i det, og helseveik var han heile sitt liv. Han skal eingong ha skrevet: "Mitt hele liv har været fuldt av bekymring og fattigdom, hvilket har forringet mitt legemes svagheid."

9. Nils Grøver, 1766 - 1796, var fødd i Hadsel Prestegjeld i 1722, son til bonde Jørgen Pedersen Haldøen og kona Marie Pedersdotter Grøver. Han var gift med Christine Marie Buch. Dei var barnlause. Nils Grøver var mykje sjukleg, og frå 1778 var Søren Michael Kastrup personell kapellan hjå han. Det var i Grøver si prestedtid at prestegarden på Haa atter brann den 9. februar 1787, då alle husa med det meste av innbuet, millom anna alle Ministerialbøkene strauk med. Det er fortalt, at før brannen hadde der synt seg ein ljøske over prestehuset. Då presten fekk høyre det hadde han i kyrkja bede Gud, at han av nåde ville spare heimen hans. Han døde den 22-5 1796. 73 år og 5 månadar gamal.

10. Søren Michael Kastrup, 1796 - 1826, var fødd i Kristiansand i 1749 og døde 27-2 1826. Foreldra hans var bakar og kjøpmann i Kristiansand Jakob Kastrup og kona Johanna Michaelsdotter, f. Tirsted. Kastrup vart personell kapellan hjå Nils Grøver i 1778 og sokneprest etter Grøver i 1796, han hadde såleis vore "Ordets tjener" i Haa i mest 48 år. Før han kom til Haa hadde han vore residence-rande kapellan hjå Andreas Foye i Oddernes i 6 år. Han vart gift 1-6 1779 med Nille Brostine Dorothea Prah, systerdatter til Bendix Djurhuus. Då prestegarden brann miste dei alt dei åtte, og det var berre så vidt dei fekk berge seg ut med livet og 2 små barn. Det tredje fødte ho 17 dagar etter.

Kastrup sin etter mann, Christen Juel Sandberg, har sagt om han: "Han har uden tvivl været af en meget godmodig karakter, og efter vidnesbyrd af sin efterladte familie, viste han under sin lang-

vareige svagheit i sine sidste dage tegn på at det var hans inderlige begjæring at leve og dø i Jesu Christi Tro, ligesom han udbad Guds velsignelse over den menighed hvori han så længe havde virket." I mantallet i 1801 er oppførte hjå sokneprest Kastrup på Haa fylgjande personer: Søren Michael Kastrup, sokneprest, 52 år. Nille Brostine Dorothea Prahl, hans kone, 52 år.

Nicoline Christine Marie, deres datter, 18 år.

Johanna Dorothea, do. do., 16 år.

Benedicta Elisabeth, do. do., 14 år.

Jacobebe, do. do., 13 år. (Ho vart gift med Joakim Berner i Stavanger, deira son var Brostrup Berner på Næsheim.)

Johanne de Creque de la Roche, dotter, 12 år, gift 1816 med Andreas Sømme, handelsmann i Stavanger.

Johanna de Creque Prahl, kona si syster, 61 år, ugift.

Mette Sophie Prahl, do. do., 57 år, ugift. Iwer Cornelius Westly Prahl, hennes brorson, 26 år. Studios theologie, opholder sig nu her, men agter sig til København for at tage sin embedsexamen.

Ole Olson, tener, 21 år (var truleg frå Næsheim).

Nils Antoniusson, tenar, 20 år.

Rasmus Rasmusson, tenar, 19 år.

Elisabet Larsdr., tenar, 51 år.

Johanna Larsdr., tenar, 25 år.

Karen Tollaksdr., tenar, 45 år.

Anna Ellingsdr., tenar, 21 år.

Karen Jakobsdr., tenar, 22 år.

Erik Eliasson, pleiebarn, 13 år.

Christen Christenson, do., 12 år.

Guri Rasmusdr., pleiedotter, 11 år.

Tabitha Gundersdr., do., 5 år.

(Tabitha Gunderdr. vart gift 2-8 1816 med presten sin medhjelpar Ola Pederson Ødemotland. 3 veker etter fødde ho ein son, Peder Ødemotland, som etter vanleg meining var presten sin son. Tabitha var dotter til gjenta Anna Pedersdr. Njærheim og ungkar Gunnar Olson Bø.)

11. Christen Juel Sandberg, 1827 - 1838, var son til Ole Rømer Sandberg og andre kona Jørgine Susanne, f. Flood. Han var fødd på Onsø Prestegard, der faren var prest, den 16-6 1805, og vart ordinert til sokneprest i Haa av bispemunch den 23-3 1827 og konstituert provst Marie Bodskapsdag same året. Den 10-11 1830 vart han gift med Marie Cathrine Rosenkilde, fødd 12-3 1802, død 1886. Dotter deira Charlotte Sophie Sandberg var gift med Hamarbispemunch Arnoldus Marius Hille, og i 1877 vart han gift med søster hennar

Georgina Borrea Sandberg. I 1838 vart Sandberg ordinert til sokneprest i Fredrikstad, der han døde 17-3 1843.

12. Jan Theodor Kielland, 1838 - 1844, var son til postmeistar i Stavanger Jan Kielland og kona Anna Dorothea, f. Kruse. Han var fødd i Stavanger 15-12 1803. Frå 1829 var han presonell kapellan hjå sokneprest Øier i Gudbrandsdalen og frå 1834 residerande kapellan i Meelhuus. Den 29-3 1838 vart han ordinert til sokneprest i Haa, der han døde 1-12 1844. Han er gravlagd ved Nærbø kyrkja. Jan Theodor Kielland var gift 13-7 1832 med Birgitte Helene Dahl, fødd i Trondheim 13-7 1811, dotter til kjøpmann Ole Halvorson Dahl og kona Marit, f. Ust. Dei hadde 4 barn:

1. Jan Olaus Kielland, f. 1838, gift med Anna Olsen. Misjonær i Zulu.
2. Paul Gabriel Theodor Kielland, f. på Haa 20-5 1843, gift med Elisa Kielland. Provst og prest i Tinn, Telemark.
3. August Gottlieb Kielland, f. 1837, d. 1868, gift med Laura Diderikke Kruse. Han var lærar og klokkar.
4. Anna Dorothea Kielland, f. på Haa 7-9 1840.

13. Knut Jørgensen, 1845 - 1853, var son til Jørgen Evensen Vaaland og kona Anna Torjusdotter. Han var fødd i Holt prestegjeld 26-9 1810, død på Haa 10-3 1853. Gift 25-3 1840 med Anne Ellene Dedekam, fødd i Arendal 25-11 1816, dotter til skipper Johan Rasmusson Dedekam og kona Ellene, f. Winther Furst. Jørgensen hadde vore skulemeistar i heimbygda si. Tok teologisk embedsexamen i 1837, vart ordinert til sokneprest i Haa 1845 og provst på Jæren 1849. Han var ein varm talsmann for fråhaldsaka og arbeidde mykje for å få folket til ikkje å bruke rusdrykk i vertskap som gravøl, brudlaup og barnsøl. Han døde av gulsott og er gravlagd ved Nærbø Kyrkja. Dei hadde 9 barn, 4 fødde på Haa:

1. Hanne Birgitte, f. 24-12 1845, fadrane var: Ivar Sikveland, medhjelpar Ole P. Ødemotland, Berta Jonsdr. Hårr, jomfru Elisabet Jacobsen, Ingeborg Berte T. Hobberstad.
2. Hans Kristoffer, f. 31-10 1847, fadrar: lensmann Jon Hårr, lensmann Erik T. Hobberstad, Hans Evenson Obrestad, medhjelpar Sven Tollefson Torland, Elisabet P. Obrestad, Rakel Tjøsdr. Obrestad.
3. Julianne Serine, f. 21-4 1849, fadrar: Tørres J. Kvia, Jon J. Hårr, Hans S.

Ånestad, Guri Tollefsdtr. Gausland, Anna Torstensdtr. Hobberstad, Maria Tollaksdtr. Gudmestad.

4. Anne Ellene Theresie, fødd 21-2 1851, fadrar: kirkesanger S. (Sivert) Gabrielson (Gudmestad), seminarist Ofte-dal?, Hans Ellingson?, kirkesangerens kone Malena Olsdtr., Berta Mikael-sdtr. Haa?, jomfru Elen W. Dedekam.

14. Andreas Hansen, 1853 - 1862, var son til kjøpmann i Stavanger Engel Hansen og kona Berthe, f. Hansen. Fødd i Stavanger 2-5 1816, død i Bergen 1877. Gift med Marthe Caroline Gabrielsen, død i Stavanger 1870. — Andreas Hansen vart sokneprest i Levanger i 1862 etter han hadde vore prest på Haa 9 år, og i 1875 vart han prest i Bergen. Andreas Hansen gjorde mykje for å reformera skulen, både ved å få faste skular og nye og betre lærebøker. Han var mykje avhalden av kyrkjelyden og bygdefolket i det heile. 3 barn var fødde på Haa:

1. Berthe-Hansine-Petrea, f. 28-10 1855.
2. Andreas Martin, f. 19-10 1857.
3. Hans Engel, f. 29-5 1859.

15. **Vilhelm Hansteen**, 1862 - 1871, var fødd i Christiania 15-6 1820, son til høgsteretts advokat Peter Nikolai Hansteen og kona Adelaide Birgithe von der Wlyse, f. Prydtz. Han vart kand. Theol. 1845, timelærer ved Drammens Latinskule i same året. I 1862 vart han prest i Haa, og provst på Jæren i 1867. Gift 1852 med Eleonora Emilie Christine Conradi. I 1871 vart han prest i Mandal og i 1878 på Voss. Det er ikkje mykje eg har fått vita om Hansteen korkje som prest eller som menneskje. Men eg har ei soga eg må fortelja. I hans prestedid var min morfar, Abraham Nærland, medhjelpar og fungerte ofte som klokkar og var ein sers god ven med presten. I 1868 hadde Abraham fenge ein son som skulle oppkallast etter 2 av kona sine farbrør, Jakob og Hans. Nå tykte dei ikkje at det klang noko vidare med Jakob-Hans, og Hans Jakob gjekk ikkje heller an. Så gjekk Abraham til presten og skulle melde inn barnet til dåpen og rådførte seg då med presten om namnet. Då sa presten: "Du skal kalla barnet Jakob Hansteen", og slik vart det. Av Hansteen sine 10 barn var 4 fødde på Haa:

1. Aksel August, f. 7-6 1863.
2. Jakobine Fredrikke, f. 16-7 1864.
3. Philip, f. 18-10 1866.
4. Wilhelm, f. 19-10 1869.

16. **Hans Landstad**, 1872 - 1885, var fødd i Kvitseid, Telemark 2-2 1835, son til salmediktaren Magnus Brostrup Landstad og kona Wilhelmine Margareta Marie, f. Lassen. Ætta kjem frå Værdalen, der Jon Landstad var bonde, og hans son, Hans Landstad, fødd 1771, død 1838, var sokneprest i Værdalen og gift i 1798 med Margreta Schnitler. Desse var då Hans Landstad sine besteforeldre. Hans Landstad vart student i 1854 og kand. Theol. 1861. Han vart gift i 1865 med Anna Aamodt, f. 1838, d. 1884, dotter til tollinspektør i Fredrikshald John Aamodt og kona Andrea Lassen. Ho døde på Haa og vart gravlagd ved Nærbø kyrkje. I 1886 vart han gift med søster hennar Christine Aamodt, fødd 1842, død 1922. Hans Landstad vart ordinert til prest i Haa i 1872 og provst 1880. I 1885 vart han prest i Johannes Menighed i Stavanger, og i 1888 i Eidsvold. Hans Landstad hadde 14 barn i første gifte:

1. Andrea Landstad, f. 1866, d. 1954, gift 1893 med høgsterettsdommer Haakon Breien i Oslo.
2. Magnus Brostrup Landstad, f. 1867, d. 1955, ugift. Ingeniør og forfatter.
3. Wilhelmine Landstad, f. 1867, tvilling med 2., død 1930, ugift. Lærer.
4. Marie Landstad, f. 1869, d. 1957, ugift. Kontorist i Arbeidsdept.
5. John Landstad, f. 1870, d. 1954. Ingeniør ved N.S.B., gift 1907 med Cici-lie Holm (sjå 17. 6.).
6. Halvor Landstad, f. 1871, d. 1955. Ingeniør og våpenkonstruktør i den britiske marine, gift 1904 med norsk dame Martha Christiansen.
7. Klara Landstad, f. på Haa 1-9 1872, d. 1908, ugift. Ho var lærar i Oslo.
8. Anna Landstad, f. (14-3 1876?), lærar i Oslo. Ho har gitt ut ei diktsamling "Mine Tankers Barn".
9. Fredrikke Landstad, f. 14-3 1876, d. 1932. Lærer i Oslo.
10. Hans Landstad, f. 20-4 1877, d. 22-5 same året.
11. Alette Kristine Landstad, f. 15-5 1878, d. 1932, gift med ingeniør og inspektør ved N.S.B. Einar Selmer.
12. Kristine Landstad, f. 19-6 1879, d. 30-10 same året.
13. Hans Landstad, f. 20-5 1880, d. 1957, gift med Hilda Boilai. Han var maskindirektør ved Morris Fabrikker i Oxford, England, seinare hjå Lord Nuffield.
14. Kristine Landstad, f. 30-1 1882, d. 1944, ugift.

17. **Karenos Theodor Holm**, 1885 - 1906, var fødd i Bergen den 14-10 1845, død i Urskog 26-8 1912. Han var son til sorensskrivar Christian Lerche Dahl Holm (1812 - 1889) og Caroline, f. Bredal (død på Haa 29-3 1892). Holm vart student i 1862, cand. theol. 1868, og same året vart han styrar på Borgarskulen i Farsund. I 1874 vart han kateket i Haugesund, og i 1878 sokneprest i Askevold i Sunnfjord og sokneprest i Haa i 1885. I 1906 vart han prest i Urskog. Han var gift i Trondheim i Nidaros-omen 12-4 1870 med Cecilie Cathrine Gløersen, fødd i Trondheim 20-5 1847, død i Bergen 23-9 1938, der ho budde hjå yngste dottera Mathilde Holm Beyer. Ho var dotter til sorenskriver i Sogn Gerhard Gunnerus Gløersen (1819 - 1896) og kona Mathilde-Therese Bergh, f. i Drammen (1824- 1850). — Karenos og Cecilie Holm hadde 11 barn:
1. Therese Caroline Holm, f. i Farsund 21-4 1871, d. i New York 27-2 1947, ugift. Ho var først kontorist i Bergen, seinare sjukesøster i England og U.S.A.
 2. Christian Lerche Dahl Holm, fødd i Farsund 9-2 1873, død i Bergen 27-2 1952. Lækjar først ei tid på Bryne, sidan i Bergen, gift 1903 med Zora Gundersen.
 3. Caroline Holm, f. i Solvorn 1874, d. i Uppsala, Sverige 1956. Sjukesøster. Gift i 1903 (i Nærbø kyrkje) med professor dr. med. Hjalmar Forssner frå Stockholm.
 4. Gerhard Gunnerus Gløersen Holm, f. i Haugesund 1876, d. 1938. Advokat i Oslo, gift 1908 med Fanny Hagerup, f. 1881, d. 1951.
 5. Helene Christiane Holm, f. i Haugesund 1877, d. 1960, gift på Madagaskar 1905 med misjonsprest Olaf Stokstad, f. i Ullensaker 1876, d. 1957.
 6. Cicilie (Cie) Cathrine Holm, fødd i Askevold 1879, d. i Stockholm 1925, gift i Urskog 1907 med ingeniør Jon Landstad (sjå 16. 5.).
 7. Anton Carl Bernh Holm, f. i Askevold 1880, d. 1925, gift i Larvik 1908 med Kirsten Stephansen, f. i Larvik 1885, d. 1963. Anton Holm var advokat i kompaniskap med broren Gerhard.
 8. Waldemar Holm, f. i Askevold 1882, d. i Oslo 1959. Han var bygningsingeniør i Oslo, gift i Tønsberg 1911 med Ragna Larsen, f. 1889, d. 1949.
 9. Mathilde Holm, f. i Askevold 1883, d. i Bergen 1963, gift i Urskog 1910 med skipsmeglar i Bergen, Axel Beyer, f. 1863, d. 1937.
10. Danckert Krohn-Holm, f. på Haa 10-7 1886, gift i Elverum 1916 med Helene Hertzberg, dtr. til hotelleigar Hertzberg (1852 - 1923) og kona Beathe, f. Haagensen (1854 - 1932). D. Krohn-Holm vart student i 1904, maskingeniør 1908. Han praktiserte i Sverige 1923 - 1928, vart overlærer ved Elementærskolen i Oslo i 1935. Busett i Oslo. Dei har 3 barn:
1. Jan Weiner Krohn-Holm, f. 1918. Redaktør i Larvik. Gift 1944 med Kari Berg Nielsen.
 2. Wenche Krohn-Holm, fødd 1921, kemikar. — Gift med major Peter Brambani, f. i Oslo 1923. Busett på Tjøme.
 3. Danckert Krohn-Holm, fødd 1923, agronom, kontorsjef. Gift m. Kari Hveem, f. Nes, Hedmarken, 1926.
11. Theodor Holm, f. på Haa 13-6 1888. Student frå Kristiania Handelsgymnasium. Busett i New York frå 1909, der han gjekk inn i Assuranses-bransjen. Flutte til Chicago i 1923 og tilbake til New York i 1942, der han vart leidar av Loyds Insurance Corporation, gift 1918 med Jean Parke, f. i Minneapolis 1888, artist og forfatter. Ei dotter:
1. Celete Holm, f. i New York 1917, gift 1) 1936 med Ralph Nelson av svensk ætt, filmprodusent, gift 2) 1946 med Alexander Schyler Dunning. Ho er skodespelar ved film og teater, Broadway, New York.
18. **Søren Dahl**, 1906 - 1915. Fødd på Grue Prestegard i Solør 6-1 1856, død 6-7 1932. Han var son til sokneprest i Næs i Hallingdal Jens Dahl og kona Henriette Ulrikke, f. (Rolsdorph). Gift 16-12 1881 med Karen Oline Rustad, fødd 8-4 1858, død 24-10 1938. Søren Dahl vart stiftskapellan i Tromsø i 1881 og prest i Syd Varanger, Alten, Tromsø, Øksnes, Lødingen, Ofoten, Folden og Vefsen i Lofoten, Vardø og Eidsfjorden m. fl. stader i 1882. — I 1886 vart han sokneprest i Veefjorden, Søndre Helgeland og Tromsø, og 1898 sokneprest i Fosen i Trondheim Bispedøme. Den 18-9 1906 vart han tilsett som sokneprest i Haa, og i 1911 provst på Jæren. I 1915 vart han konstituert tredjeprest i Trefoldigheds-kyrkja i Kristiania. Barn:
1. Hedevig Dahl, f. 14-5 1883, malar og musikk lærar i Oslo.
 2. Bergljot Dahl, f. 1885, har vore i forsikringsbransjen i Oslo.
 3. Gudrun Dahl, f. 1887. Røde Kors søster. Død 1963.

4. Jenny Dahl, f. 1889. Bokhaldar i "For-sikringsbransjen" i Oslo.
5. Henriette Ulrikke Rolsdorph Dahl, f. 16-12 1890, gift med Ole Palleson Nær-land (sjå Nærland 59.).
6. Jens Dahl, f. 1892, d. 1921.
7. Berte Rustad Dahl, fødd 1895. Tann-lækjar på Norstrand.
8. Eivind Birger Dahl, f. 1899, d. 1944. Provisor i Sandvika Apotek i Oslo. Gift med Ingrid Fadum, f. 1909, enkja gift 2) med disponent Hans Waal, Oslo.
9. Ein pleieson, Hans Gunnerus Rustad, f. 1894, skipsførar. Gift med Cecilie Buck, f. 1906.

I 1919 vart prestegarden flutt til Skjærpe, og den fyrste presten som tok bustad der var:

19. Ole Ohnstad, 1915 - 1928, fødd i Aur-land prestegjeld 19-1 1861, død i Asker 17-6 1943, son til bonde Olai Ohnstad og kona Kristine, f. Ohnstad. Gift 29-12 1896 med Kitty Saxegaard (Jacobine Katharine), død i Asker 27-4 1955, dotter til provst Saxegaard. Ole Ohnstad kom til Haa i 1915 og tok avskil derfrå i 1928, då han busette seg i Asker. I Kallsboka for Haa har Ole Ohnstad skreve:

"Ved Folkeskolen fik jeg min første un-dervisning. Efter konfirmasjonen gik jeg et par år ved Sogndals Folkehøgskole, hvor lærerne, Pastor Henrik Mohn Dahl og Kand: theol. Anton Smitt øvet en vekkende innflytelse på mig. Min lyst stod til læsning. Tegning var mig også en kjær beskjeftigelse i mine ledige stunder. Men at få komme ut i verden og nyte godt av videre skoleutdannelse faldt mig ikke lett, da mine foreldre ikke havde råd til det. Foreløbig måtte jeg derfor bli hjemme og arbeide på gården til jeg var omkring 20 år gammel. Da laget det sig så ved Guds forunderlige styrelse, at jeg fik reise til Kristiania og begynde med at læse til Middelskole-eksamen og artium. Til sistnævnte eksamen blev jeg forberedt ved skolen på Hauges Minde, og fuldførte den i 1885. Under læsningen til 2den eksamen gik jeg en tid på Bergs-liens Malerskole. 2den eksamen blev fuld-ført i 1887. Til Theologisk Embeds-eksa-men læste jeg for det meste på egen hånd hjemme, da jeg ikke kunde opdrive midler til ophold i Kristiania. Våren 1892 tok jeg eksamen med karakteren haud illauda-bilis. Efter et par års tid som huslærer fuldførtes praktisk Theologisk eksamen med karakteren laudabilis 1895. Derefter blev jeg personell-kapellan hos sognepres-

ten i (Strinda?) provst Saxegaard fra våren 1895 til våren 1899, hvorefter jeg i et tidsrum av et år til 1900 bestyrte (Stranda?) sokneprest embede som konstitueret. Samme år blev jeg utnevnt til sokneprest i Leka. I 1906 blev jeg forflyt-tet til Evanger og i 1915 til mitt nuvæ-rende embede Haa Prestegjeld på Jæren. Når jeg nu ser tilbake på mitt virke som prest, kunde jeg nok ønske, at jeg fik begynde forfra igjen for at gjøre det bedre. Men jeg er også glad ved at kunde få tro, at min gjerning ikke har været forgjæves. Vanskeligheter har vistnok mødt mig, og ikke mindst i det siste. Men jeg har aldrig ladt mig kue av dem, idet jeg har følt mig forvisset om, at Han som vilde bruke mig i sin tjeneste også har stått mig bi i sin miskundhet og nåde. Soli Deo Gloria!"

Ole Ohnstad var vel den første presten i Haa som ved ymse høve nytta nynorsk mål i kyrkja. Dei hadde 8 barn:

1. Anna Constanse Ohnstad, f. i Stranda 15-10 1897, gift i Nærbø 13-3 1924 med styrmann Peter Schjelderup, busett på Kjøme. (Giftermålet oppløyst.)
2. Andreas Saxegaard Ohnstad, f. 15-8 1899, i Stranda, d. i Asker 16-6 1946, ugift.
3. Kirsten Marie Ohnstad, f. i Stranda 9-3 1901. Ho er lærarinne i Egersund.
4. Ruth Ohnstad, f. i Leka 20-10 1902, gift i Nærbø 30-12 1924 med Nils Liset. (Giftermålet oppløyst.) Ho er no lærarinne i Florø.
5. Olaf Ohnstad, f. i Leka 29-11 1904, gift i Nærbø 20-7 1946 med Oli Skjærpe, f. i Nærbø 7-1 1909. (Skjærpe 41. 2.) Han er maskinist, busett i Asker.
6. John Ohnstad, f. i Leka 27-8 1906, gift i Oslo 9-12 1939 med Hjørdis Mathisen. Fotograf i Oslo.
7. Harald Ohnstad, f. i Evanger 17-7 1909, gift i Asker 25-5 1939 med Wilhelmine Foss. Fotograf i Oslo.
8. Ragnar Ohnstad, f. i Evanger 13-8 1915, gift i Asker 14-10 1944 med Anna Bertevig. Han er bonde og gartner på Nordre Tvetter i Vestby.

20. Johan Didrik Tande, 1929 - 1938, fødd i Barbo ved Arendal i 1869, død på Nærbø i 1938. — Han var son til fargemeistar Johan Tande frå Tretten i Gudbrandsdal og kona Dorthea Enger frå Ringsaker. Gift 1900 med Thea Gjertine Mortensen, f. i Stavanger 1863, død 1951. — Johan Didrik Tande var prest i Nissedal, Helle-land, Stavanger og Enebakk før han kom til Haa. Han var ein sers sympatisk per-

sonlegdom og var mykje nytta i kommunale ombod. Som prest i Haa vann han stor godhug og vurnad hjå folket, og sorga var ålmenn og sann ved hans bråe bortgang. Han er gravlagd i Stavanger. Dei hadde 2 barn:

1. Torkell Arnold Tande, f. i Nissedal i Telemark 1901 (gift med Hilda Marie Rustad frå Enebakk. Sokneprest i Sandidal frå 1931, ordførar 1938/40 og 1945. Stortingsmann for Venstre i Telemark frå 1954, medlem av Europarådet frå 1957. Provst frå 1963.
2. Dagny Tande, f. i Nissedal 1903, gift med konservator i botanikk Johannes Lid frå Voss. Ho har gitt ut diktsamlinga "Ved Vinduet" og illustrerar ei rekkje botaniske verk innanlands og utanlands.

21. **Zakarias Johan Brekke**, var fødd i Fitjar i Hordaland 27-12 1881, død på Nærbø 28-11 1963. Han var son til småbrukar Ole R. Brekke. Etter konfirmasjonen var han gardsdreng eit år, så gjekk han Amtskulen i Sunnhordland og sidan eit kurs ved Stord Lærarskule. Var så lærar i Fitjar til 1908, og sidan i Sør Odal. I 1911 vart han lærar og kyrkjeorganist i Skåre. Så gjekk han eit år på Voss Gymnas, og etter endå eit kurs ved Bergen Katedralskule, med eksamen i 1913 som privatist, studerte han teologi ved Menighetsfakultetet, og tok praktikum ved Universitetet i 1919 med Laud. I 1919 vart han sokneprest i Austevoll og i 1926 i Innvik i Nordfjord. I 1939 kom han til Haa, og slutta for aldersgrensa i 1951. Zakarias Brekke vart gift 27-10 1920 med Kari Krogsrud, fødd i Sør Odal 3-12 1889, dotter til bonde Anders Hansen Krogsrud og kona Anne Lovise Olsdtr. Fallet. Etter endt presteneste busette dei seg i Nærbø, der dei bygde eller kjøpte hus på Skjærpe-grunn tett ved Bernervegen. Dei har 6 barn:

1. Johanna Brekke, f. i Austevoll 9-3 1922, sjukesøster i Kristiansand.
2. Åsbjørg Brekke, f. i Austevoll 26-11 1923, gift 7-8 1954 med verkseigar Gustav Håland, Erfjord, f. 3-3 1915.
3. Olav Brekke, f. i Austevoll 30-10 1925. Tok Artium i 1947 og Handelsskulen i 1950.
4. Gudrid Brekke, f. i Innvik 11-7 1927,

var sjukesyster i Farsund til ho vart gift 2-7 1955 m. kontorm. på Opstad, Alv Høiland, f. i Farsund 26-9 1930.

5. Arnulv Brekke, f. i Innvik 29-8 1929, gift med Luise Rodemerck, frå Hamburg (syster til Emtton Aadnesen si kone). Han er for tida lærar i Nærbø.
6. Ragnar Brekke, f. i Innvik 2-9 1931. Kand. real. Lektor i Kongsberg.

22. **Alfred Fidjestøl**, fødd i Øyslebø 10-2 1902, son til bonde Bent Olson Fidjestøl og kona Olevine, f. Skjævesland. Han var student frå Hornnes Landsgymnas 1922. Lærar ved same gymnas 1922/23. Teologisk embetseksamen ved Menighetsfakultetet hausten 1928, praktisk-teologisk eksamen våren 1929. Lektor i Narvik 1929/30. Sokneprest i Hægebostad 1930/40. Sokneprest i Luster i Sogn 1940/52. I 1952 vart han sokneprest i Haa. Han har gjeve ut konfirmantboka: "Vegen og målet". — Den 4-7 1931 vart han gift med Margit Uleberg, fødd i Hornnes 28-5 1904, dotter til bonde Gunnstein Uleberg og kona Gjertrud Marie, f. Moi. Student frå Hornnes Landsgymnas 1924, og eksamen frå Stord Lærarskule 1927. Lærar i Fyresdal 1924/26, og i Frøylandsdalen 1927/30. — Dei har 5 barn:

1. Gunnstein Fidjestøl, f. 2-4 1933. Student frå Rogaland Landsgymnas 1953, eksamen frå Trondheim tekn. høgskule 1959. I USA 3 år — 1960/63. Kom inn i Telegrafstyret i 1963 i arbeidet med utbygging av Fjernsynet.
2. Oddlaug Fidjestøl, f. 30-5 1935. Student frå Rogaland Landsgymnas 1955. På Statens Håndverk- og Kunstindustri-skole 1956 med eksamen derifrå 1960. Arbeidde ved eit interiør-arkitektkontor i Oslo til 1962. 1962/63 i USA. I 1964 tilsett ved Arkitektkontoret Holter & Holter i Oslo.
3. Bjarne Fidjestøl, f. 30-9 1937. Real-skule-eksamen 1953. Student-eksamen 1957. Studerar filologi ved Universitetet. Gift 28-12 1963 med lektor Eva Solfrid Eimhjellen frå Bygstad i Sunnfjord.
4. Gjertrud Maria Fidjestøl, f. 3-5 1944. Student-eksamen 1963. — Rogalands Fylkes industriskole 1963/64. Ved Røde Kors sykepleieskole i Stavanger i 1965.
5. Målfrid Amalie Fidjestøl, f. 21-2 1949.

**PAKTARAR
OG ANDRE BRUKARAR**

1. Sivert Knutson Kvia
 2. Peder Omundson Ueland
 3. Jakob Elias Håvardson
 4. Hans Ellingson Bø
 5. Rasmus Olson Njå
 6. Tobias Osmundson
 7. Torger Torgerson Edland
 8. Martin Torgerson Edland
 9. Ola Tønnesson Garborg
 10. Jens Tobias Tobiasson Kvia
 11. Asbjørn Anestad
 12. Sivert Gabrielson Gudmestad
 13. Ola Larsson
 14. Knut Torbjørnson Kyvik
 15. Knut Olson Bjerke
 16. Mikal Larsson Hovde
 17. Th. C. Jakobsen
 18. Konsul Isaksen
 19. Kristofer Sandve
 20. Hans O. Njærheim
 21. Sigurd Anestad
 22. Sigurd Jonasson Salte
- Nokre forpaktarar på Haa Prestegard.**
1. **Siver Knutson Kvia** (sjå Kvia 38.), var forpaktar på Haa i 1933, der ei dotter var fødd: Taletta Kristine, f. 3-12.
 2. **Peder Omundson Ueland** (sjå Ueland, Varhaug 35. 6.) var forpaktar på Haa i 1836. Budde seinare i Stavanger. 4 barn:
 1. Omund, f. på Kvia 20-2 1831.
 2. Anna Judithe, f. på Ueland 30-8 1832.
 3. Lars, f. på Ueland 9-12 1834.
 4. Elling, f. på Haa 10-8 1836.
 3. **Jakob Elias Håvardson** (sjå Høyland 95.), var på Haa i 1845, truleg som forpaktar.
 4. Hans Ellingson Bø (sjå Bø 95.) var forpaktar på Haa i 1851.
 5. Rasmus Olson Njå, forpakta Haa i 1855, der ei dotter var fødd. Kona heitte Gunhild Torgersdotter. Barn:
 1. Malena Rasmusdtr., f. 26-2 1855.
 2. Ludvig Kristian, f. 26-4 1852.
 6. Tobias Osmundson, var forpaktar i 1859. Kona heitte Rakel-Sofia Gunsteinsdotter. Ei dotter døypt på Haa:

Berta Maria, f. 3-4 1859.
 7. Torger Torgerson **Edland** (sjå Nærland 43.) var forpaktar på Haa frå 1862 til 1868.
 8. Martin Edland, var bror til Torger.

Dei var ei tid saman om forpaktinga, men etter Torger var flutt til Nærland heldt Martin fram til 1884, då han pakta Rennesøy prestegard eit års tid før han flutte til Bø (sjå der 126.). Det var i Hansteen og Landstad si prestedid at Torger og Martin Edland var på Haa. Me er så hepe å ha den kontrakta som vart sett opp millom Hans Landstad og Martin Edland om forpaktning-vilkåra frå 1872. Eit kulturhistorisk dokument som me skal gje att her i avskrift:

"Undertegnede Sogneprest H. Landstad og Agronom Martin Edland have med hinanden afsluttet følgende Forpaktning-Kontrakt: Jeg Sogneprest H. Landstad bortforpagter herved min Embedsgaard Haa Præstegaard til Agronom M. Edland paa følgende Betingelser:

1. Gaarden tillige med den af Forpagteren hidtil benyttede Del af Forpagterboligen samt følgende Udhusbygninger: Lade med 2 Skur, Fjøs, Faarehus og Hestestald overleveres Forpagteren, naar undtages de tre ved Præstegaardens liggende Haver og den Strækning som ligger mellem Kirkeveien og Buræget Syd for Præstegaarden til Udmarken.

2. Med de Forpagteren overleverede Bygninger pligter han at have behørigt Tilsyn og vedligeholde dem, dog saaledes, at jeg skaffer de nødvendige Materialer som til Reparationer formedelst Ælde maatte tiltrænges og saaledes, at alle større Reparationer udføres af mig. Finder jeg at Bygningerne lide Skade ved Forpagterens Behandling, er han pligtig at rette sig efter mine Anvisninger.

3. Forpagteren er pligtig til af Gaardens Torvmyr at udskjære, bjerge og hjemkjøre til Præstegaarden den Torv som jeg maatte tiltrænge, og denne maa være tør og velbjerget. Forpagteren er berettiget til at benytte Gaardens Torvmyr til sin egen Husfornødenhed, men han maa ingen Torv sælge eller afhænde. Hvad Torvmyrens Behandling angaar, er han pligtig til at rette sig efter den Anvisning som kyndige Mænd maatte give, om jeg finder det nødvendigt at tilkalde Saadanne. Til Hjælp ved Torvskuren forpligter jeg mig at leie 1 — en — Mand i 2 — to — Uger og til ved Torvdugne at lade hjemkjøre mindst 80 Læs (otti Læs) uden Udgift for Forpagteren.

4. Forpagteren er pligtig til selv at bruge og bebo Gaarden, hvis Jordvei det paa-ligger ham forsvarligt at dyrke, vedligeholde og forbedre, og skal han i Tilfælde af, at jeg i denne Henseende finder Grund til Klage, være villig til at rette sig efter

et Skjøn af 2 uvillige Mænd, hvoraf Forpagteren vælger den ene og jeg den anden. Forsaavidt disse to ikke kunde blive enige, vælger de en Opmand hvis Skjøn bliver det afgjørende. Er Skade forvoldt Præstegarden, bliver denne af ovennevnte Mænd at taxere og tilsvare af Forpagteren.

5. Hø og Halm maa ikke selges, og al den Gjødning som falder anvendes til Jordens Hævning.

6. Forpagteren skaffer til min Hest Husrum og den nødvendige Halm. Skulde det Hø jeg selv avler ikke blive tilstrækkelig til min Hest, leverer Forpagteren hvad der maa behøves af godt Hø. I den Tid Hestene gaa paa Beite ude, skal min Hest beite paa de Havnegange, der ligge Præstegaarden nærmest. Forpagteren er forpligtet til at skaffe 1 Hest til 8 Byreiser og til Reiser indenfor Præstegjældet samt til Nabopræsterne, saa ofte som jeg til mig selv eller Familien maatte trenge det enten ved siden af min egen Hest, eller fordi min ikke er disponibel. Skulde jeg oftere end de nævnte 8 Gange ønske Hest til Byen, betales derfor 1 — en — Spd. pr. Tur og Retur, og dersom Forpagteren er i Byen med Hest og Kjærrer, er han forpligtet til at kjøre Sager Hjem for mig mod en Betaling af 4 skill, pr. Spand. Det nødvendige Rum i Laden til mit Foder forbeholdes.

7. Forsaavidt offentlig Skyds tilpaa-siges Præstegaarden, udføres den af Forpagteren.

8. Forpagteren erholder en Fjerdedel af Udbyttet af Præstegaardens Laxe- og Blegefiskerier i Elven, mod at han yder den fornødne Hjælp ved deres Drift.

9. Af den Strandrægsel som paa Præstegaardens Strand maatte indkomme, har Forpagteren det halve Udbytte, mod at han paatager sig at have Tilsyn med Stranden og bjerge hvad der maatte indkomme.

10. Jeg forbeholder mig Ret til at holde 10 Faar, der fødes og vogtes af Forpagteren sammen med hans egne med Undtagelse af den Tid de om Sommeren ere paa Heierne, dog skal Forpagteren føre dem til Heierne og hente der derfra sammen med sine egne.

11. Af den samlede Gjødning der falder af Gaardens Besætning, har jeg Ret til at benytte 15 — femten — Læs. Den Gjødning der falder af Do-kummerne, ligesom ogsaa den Torvmund der bliver tilbage af min Torv, tilfalder alene mig.

12. Jeg forbeholder mig Rum i Fjøset for en Ko, om jeg saa maatte ønske det.

13. Naar min Dreng er borte, paaligger det Forpagteren eller hans Folk at fodre min Hest og besøge For- og Fraspænden.

14. Fremmede Heste som komme til Gaarden har jeg Ret til at give Beite.

15. Den Fattiglægd som paalignes mig udredes af mig, dog er Forpagteren forpligtet til at overtage den Omgangslægd der paalægges mig, mod at han faar hvad der derfor afkortes i Skatten. Alle andre Skatter udreder jeg.

16. Blegevolden vest for Præstegaarden afgives til Husets Brug, saa ofte det maatte tiltrænges, og er Forpagteren forpligtet til medens den benyttes, at holde den fri for Faar eller øvrige Kreaturer.

17. Alle Gaardsredskaper holdes af Forpagteren.

18. Det Gaarden paahvilende Veiarbejde udføres af Forpagteren.

19. Den Husmandsavgift i Arbejde eller Penge som maatte tilfalde mig, overlades Forpagteren, men den maa ikke udkræves af andre end af mig, og for hvad der ikke indkommer er jeg ikke ansvarlig.

20. Den aarlige Rente af det til Fyret afgivne Stykke af Præstegaardens Udmark overlades Forpagteren.

21. Forpagteren er forpligtet til at finde sig i hvad der paa Præstegaardens Grund maatte ske som Følge af Undertegningen af den Contract som Aktieselskabet for Kulboring paa Jæderen har oprettet med Jordeierne paa Jæderen. Hvad der maatte tilfalde Præstegaarden som Erstatning for Skader paa Aarets Avling ved muligt foretagen Boring efter Kul, tilfalder Forpagteren. Af Erstatning for muligt afgivendes Jord til Kuldrift tilfalder Forpagteren de aarlige Renter.

22. I Forpagtnings-afgift svarer Forpagteren, foruden hvad denne Kontrakt forøvrigt bestemmer: 24 — fire og tyve — Tønder Havre, 12 — tolv — Tønder Byg, 12 — tolv — Tønder Poteter, der erlægges Halvdelen i Oktober og Halvdelen i Januar, af Melk 18 — atten — Potter daglig i Sommerhalvaaret og 14 — fjorten — Potter daglig i Vinterhalvåret, 10 — ti — Bismerpund Oksekjød, 15 — femten — Bismerpund Faarekjød, 4 — fire — Kalver med Huder, 6 — seks — levende Lam, 4 — fire — Bismerpund ren Uld og 3 — tre — Bismerpund Talg. Lammene leveres udover Sommeren naar det forlanges.

23. Forpagteren efterlader ved sin Fra-trædelse som min Eiendom 8 — otte — Skippund godt Hø og 12 — tolv do. god Halm.

24. Det paaligger Forpagteren ved Fra-

trædelse at aflevere Gaarden med alle tilliggende Jorder og Indhegninger under en paa fælles Bekostning optagen Besigtelses- og Skjønnsforretning, hvorved forholdes paa samme Maade som under Post 4 er anført, kun at Skjønsmændenes Antal bestemmes til 4, hvoraf 2 vælges af mig og 2 af Forpagteren.

25. Ved Fratrædelse af Gaarden er Forpagteren forpligtet til, om det maatte forlanges, at opdyrke og tilsaa Præstegaarden i den Udstrækning han efter et Middeltal for de Aar han har drevet den, selv har opdyrket og tilsaaet den, mod derfor i Erstatning at erholde en Tredjepart af Kornavlen og Poteterne.

26. Nærværende Kontrakt er bindende for 1 — et — Aar fra 14de April 1873 at regne, med mindre jeg selv inden den Tids Forløb skulde have ophørt at have Brugsret til Præstegaarden, i hvilket Tilfælde jeg opgiver min Ret til hvad Forpagteren efter Post 23 skulde levere.

Haa Præstegaard den 11te Oktober 1872
Hans Landstad. Martin Edland.”

I sanning eit dokument det står respekt av!

Til samanlikning syner eg til Bø nr. 126., der det er gjeve ein målestokk for Martin Edland si drift på Haa prestegard.

9. Ola Tønnesson Garborg var visst paktar på Haa etter Martin Edland. Eg har aldri sjølv sett noko skriftlegt prov for det, men etter det som har vorte meg fortalt, går eg ut frå at det er så. — Broren Sven Garborg er nemnd som forpaktar i 1879, men om han var på Haa veit eg ikkje.

10. Jens Tobias Tobiasson Kvia (39. 4. og Motland 29.) var paktar på Haa frå 1888 til han døde i 1895. Han var fødd 8-7 1855, død 26-7 1895, gift 1) 3-4 1883 med Hanna Ellingsdotter Risa, f. 27-10 1860, død 24-4 1885 (Risa 76. 3.), gift 2) 8-11 1886 med Maria (Maja) Toresdotter Våland, f. 9-4 1867 (sjå Våland 25. 2.). Då Jens var død flutte enkja til Motland. Han hadde 1 barn i første gifte og 6 i andre:

1. Kirsten Teresie, f. på Risa 8-8 1883, gift med Peder Dørhellen, Bergen.
2. Hanna Taletta, f. på Risa 2-3 1887, d. 6-8 1968, gift med Dagfinn Gjerde, bonde i Sunnhordland.
3. Tobias J. Kvia, f. på Haa 27-7 1888 (sjå Motland 34.).
4. Karen Gurine, f. 7-3 1891, d. 11-12 1896.
5. Maria, f. 9-12 1892, d. 1893.
6. Tor, f. 8-2 1894, død same dagen.

7. Tora Maria, f. 7-7 1895, gift med Peder Dørhellen, enkjemann etter søstera Teresie.

11. Asbjørn Ånestad (sjå Ånestad, Varh. 76. 6.) fødd 15-8 1862, død 1931, gift med Ivrikka Simonsdotter Vestnes i Romsdal, fødd 1867, død 1957. Han budde først på gard i Vestnes. I 1896 tok han over paktninga av Haa prestegard. Seinare kjøpte han gard på Bore i Klepp. Dei hadde 9 barn:

1. Grete Serina, f. i Vestnes 2-6 1891, d. 1937, ugift.
2. Asbjørn Ånestad, f. i Vestnes 3-8 1893, d. 1959, gift 1928 med Anne Helene Obrestad, f. 13-10 1892, Han var bonde på Bore.
3. Jon Ånestad, f. i Vestnes 26-2 1896, gift 1919 med Anna Johanna Odland (Odland, Varh. 59. 8.). Handelsmann på Hognestad.
4. Sigurd Ånestad, f. 24-4 1898 (sjå 13.).
5. Alfred Ånestad, f. på Haa 21-10 1900, gift med Agnes Sofie Grandin, f. i Hardanger 8-11 1907. Bonde på Bore.
6. Martin Ånestad, f. 30-4 1903, gift med Anne Marie Håvik, f. i Skjold 11-9 1913. Bonde på Bore.
7. Ingvald Ånestad, f. 14-5 1906, gift 1932 med Signy Assersen, f. 1910. Agronom ved Forsøkgarden, Forus.
8. Bjarne Ånestad, f. 28-11 1908, gift med Tyra, f. i Sogn 1915. Bonde på Bore.
9. Gunvor Ånestad, f. 12-4 1912, gift med Leiv Nag i Strand.

12. Sivert Gabrielson Gudmestad (sjå Gudmestad 28. 1.) var fødd 17-7 1824. Gift 10-4 1849 med Marta-Malena Olsdtr. Skretting, fødd 1825, dotter til Ola Olson Skretting og kona Gunhild Gregoriusdtr. (sjå Reime 43. 6.). Sivert var lærar og klokkar og budde på Haa. Det er sagt for meg, at klokkar- og skulehuset på Motland først var bygt på Haa og sidan vart flutt til Motland kring 1865. — Der er nemnt berre eit barn som var fødd på Haa:

Gabriel Sivertson, f. 4-9 1851.
Det er uvisst kvar det seinare vart av dei. Ingen av dei er oftare nemnde i Haa.

13. Ola Larsson var klokkar og budde på Haa i 1856. Kona heitte Marta Enoksdtr. Eg veit ikkje ennå kvar dei var frå. Ein son fødd på Haa:

Enok Olson, f. 10-8 1856.

14. Klokkar Knut Torbjørnson Kyvik, — budde på Haa i 1859. Kona heitte Alles

Johannesdtr. Heller ikkje dei veit eg enna kvar var frå. Ein son fødd på Haa:
Torbjørn Johan, f. 16-3 1859.

15. **Klokkar Knut Olson (Bjerke?)**, var på Haa i 1862. Kona heitte Cicilie Jensdtr. Ein son fødd på Haa:
Olaf, f. 4-2 1862.

Neste klokkar i Nærbo, Lars Olson Gudmestad, budde på Motland.

16. **Mikael Larsson Hovde**, var frå Talgje i Finnøy, fødd i 1842. Gift med Theoline Halvorsdotter, fødd i Finnøy 1850. Hovde var lærar og budde på Hovde-stykket, kommunal lærarbustad, frå 1872 eller 1873. Dei hadde 9 barn som alle var fødde på Haa:

1. Lars Hovde, f. 5-8 1873, d. i Amerika.
2. Halvor Hovde, f. 20-2 1874, d. i Stavanger, ugift.
3. Andreas Hovde, f. 3-8 1877, handelsmann i Stavanger. — Gift med Olga Larsen, f. i Stavanger, dotter til Ingebret Larsen Bø i Randaberg og kona Olene Børresdtr. Viste.
4. Sara Hovde, f. 10-4 1880.
5. Karen Hovde, f. 26-10 1882, d. i Stavanger, ugift.
6. Mikal Hovde, f. 21-1 1885.
7. Theolina Hovde, f. 12-3 1886, d. 4-4 1965, ugift. (Lina) budde i Stavanger.
8. Anna Hovde, f. 25-9 1888, gift med tollkontroller Gjertsen i Rægefjord.
9. Marie Hovde, f. 12-1 1893.

17. **Th. C. Jakobsen**, fyrvaktar, var fødd i Tromsø i 1855. Gift med Inga Jakobsen, f. i Tromsø i 1862. Budde på Obrestad Fyr, som er på Haa grunn, frå kring 1897. 2 barn var fødde på Fyren:

1. Arne-Tor-Bjørn Jakobsen, f. 3-11 1897.
2. Harald Theodor Jakobsen, f. 9-3 1900. Ei dotter f. i Tromsø:
3. Ragnhild Jakobsen, f. 1890.

Th. C. Jakobsen hadde vore styrmann på Sverdrup sin Nordpol-ekspedisjon før han kom til Obrestad Fyr.

18. I 1919 flutte presten til den nye prestegarden på Skjærpe, og Haa prestegard vart seld til **Konsul Isaksen** i Stavanger.

19. **Kristofer Sandve** (Trappen) kjøpte prestegarden av Isaksen.

20. **Hans O. Njærheim** (sjå Njærheim 136. 2.), fødd 8-1 1901. Gift 26-11 1932 med Helga Hansdotter Rønneseth, fødd i Stavanger 20-1 1904. — Hans O. Njærheim budde ei tid på Høyland, der han dreiv

hønseal i stort, derav fekk han namnet "Høne-Hans". Så kjøpte han ein part på Nærland, som han seinare måtte sleppe frå seg etter odels-søksmål. I 1936 kjøpte han Haa Prestegard av Kristofer Sandve. I 1937 selde han ein part, bnr. 4, til Sigurd Ånestad, og i 1948 selde han hovedparten, bnr. 1, til Sigurd Salte. Så sette han seg til som bureisar på Hovdestykke, bnr. 5, der han bygde nye alle driftshusa. Hans O. Njærheim har vore, og framleis er, ein allsidig drivar som har lagt store vidder av Haa-marka under ploegen. Han har og drive mykje med kjøp og sal av storfe og hest. Dei har 3 barn:

1. Lars H. Njærheim, f. 16-8 1937.
2. Hanna Njærheim, f. 29-7 1939.
3. Ole H. Njærheim, f. 12-11 1942, gift med Marit Ueland (Nærbo st. 136. 3.).

21. **Sigurd Ånestad**, er son til nr. 11, fødd 24-4 1898 på Haa. Gift 1932 med Grete Kristine Ødemotland, fødd 14-3 1908 (sjå Ødemotland 21. 1.). Han kjøpte ein part av prestegarden av Hans Njærheim i 1937, bnr. 4, der han bureiste. Dei har 5 barn:

1. Ingfrid Ånestad, f. 30-12 1933.
2. Asgaut Ånestad, f. 14-7 1935, gift 1966 med Brit Høyland (Reime 64. 4.).
3. Steinar Ånestad, f. 8-2 1937.
4. Sigmund Ånestad, f. 24-9 1943.
5. Karen Ånestad, f. 29-12 1947, gift 5-9 1964 med Jens Erland, Bryne.

22. **Sigurd Jonasson Salte**, son til Jonas Svenson Salte i Klepp og kona Anna Maria Pedersdtr., f. Torland. Han er fødd 19-2 1899, død 3-7 1965, gift 1) 21-12 1919 med Rakel, f. (Lerbrekk 37. 2.), gift 2) 12-11 1927 med Othilde Mellemstrand, f. 6-7 1907 (sjå Njærheim 146. 4.). Sigurd Salte kjøpte hovedparten, bnr. 1, av Hans O. Njærheim i 1948. Har 2 barn i første gifte og 6 i andre:

1. ekteskap:
1. Jostein Salte, fødd 3-2 1920, gift med Ingeborg Høyland.
2. Maria, f. 5-3 1922, gift m. Tor Midbrød.
2. ekteskap:
3. Jonas, f. 8-4 1928, d. 31-7 1967.
4. Janny, f. 29-3 1929, gift med Erling Losnedal. Bur i Leikanger.
5. Odd, fødd 20-2 1930, gift med Ingrid Engeset. Bur på Haa.
6. Olaug Sigfrida, f. 29-8 1931. Gift med Odd Ree. Bur på Tjøtta.
7. Sigrunn Jorina, f. 14-6 1934, gift med Ragnvald Soma. Bur på Line.
8. Aasa, fødd 16-2 1940, gift med Gaute Møller (Nærbo).



Hå gamle prestegard.

G.nr. 11, Obrestad

Uttalast lokalt Åbrøst. Namnet skal opphaveleg ha vore Opprostad, der ein ror opp (inn) frå sjøen. Andre meiner at namnet kjem av å-namnet Opra, som dei vil leggje til ein bekk som renn ut sunnanfor Obrestad. Vel og bra det eine som det andre. Dei lærde om det. Stavemåten har ymsa her som andre stader. I 1522 Opperstad, 1563 Obrystad, 1606 Oberstad, 1610 Oiberstad, 1616 Obrestad, 1668 Oberstad (med Lindal og Omdal). I 1723 var namnet skreve Obberstad. Obrestad hadde ei korn landskuld på 4y2 pund. I 1723 åtte provsten Søren Godzen 1 pund 5 spand og amtmannen Svanhielm 2 pund 6 spand og Peder Tjølson Obrestad 1 pund 1 spand. Frå 1778 eig oppsitjarane (4 bønder) alt med 1 pund 3 spand kvar. Obrestad skifter i nord med Haa prestegard og Haa-åno, i aust med Vigre, i sør med Reime og i vest mot sjøen. Garden (husa) ligg på ei høg brekke som stig bratt opp frå sjøen. Ein kunne mest verte freista til å føye ein H til namnet og skrive Håbre (k) stad. Me ville då au finna betre meining med Haa-namnet. — Dei to gardane kunne opphaveleg ha vore ein gard Haa, og Obrestad frå fyrst av ha vore Haa-brekka og så seinare, då det vart bustad, vorte til Haabre (kk) stad. Eg kan ikkje heilt godta Opprorstad, det tykkjest meg nok så oppstylta. Men som sagt, dei lærde om det.

Den teksten som er attgjeven på side 148 (med omsetjing til nynorsk) er teken frå ei utgåve av Snorre Sturlason (1179-1241) sine "Konunga Sogur" som vart prenta i København ikring 1920. Det var den vidkjende islendingen, professor Finnur Jonsson, som i mange år var lærar ved universitetet der, som var ansvarlig for teksten. Og han var vel, iallfall på den tid, ein av dei allra mest kun-

nige, når det galdt islandske handskrifter. Dette er då Snorre sin eigen tekst til 1. kap. av saga om Olav Tryggvason, og i hans eiga målform.

Denne teksten segjer ikkje at garden Oprostad var Obrestad i Hå eller på Jæren. Men i Steinar Schøtt si oversetjing av Kongesogene, som er komen i fleire utgåver, sist trykt hjå Dreyer i 1964, vert det sagt at dette Oprostad er Obrestad på Jæren. Og dette er også det vanlege synet hjå norske historikarar og språkforskarar.

Snorre sjølv har nok tenkt seg at Oprostad låg ein annan stad, lenger aust i landet, vel helst på Opland ein stad. Dette synet kan ikkje godtakast, av den enkle og avgjerande grunn at det ikkje finns nokon gard anten på Opland eller i Noreg elles med dette namnet, ikkje i noko form.

Er det då så naturleg og sikkert at det gamle Oprostad har vorte til Obrestad, kunde ein spørja. Ja, der er den beste språklege samanhengen her. La oss då gå ut frå at Oprostad opphavleg heitte Oporstadr, eller Oporstadir, det er då for det fyrste i godt samsvar med vanleg språkkunne at bokstavet r fell bort (vert synkopert) på grunn av uttalevanskar i lydsamsetjinga. På våre kantar av landet, på den blaute kyststripa, har ein jamvel i gamal tid døme på at harde konsonantar vert bytt ut med mjuke. Oprostad vert då Öbrostad. Vokalen o har då etterkvart fått ein noko uklår og varierende valør, og jamvel i dag er uttalen ulik hjå ymse personar. Sumtid lyder namnet som Åbrøst, sumtid som Åbryst. Einskilde segjer Åbrest med ein noko open eller også med ein heller trong e, som nærmer seg i. I det heile ligg desse vokallydane så nær kvarandre i vårt taleorgan at ein vel kunde rekna

med at ei noggrann fonetisk gransking nett vilde vist at det er rett det som her er nemnt om uttalen av vokalen o. Og at det då er heilt språkriktig at namnet no vert skreve Obrestad. At ad i slutten av ordet fell bort er som med alle gardsnamn her som ender på stad. Det kunde og nemnast som ein særleg grunn for ei god forklåring av Oprorestadnamnet: nemleg at stadr i vårt gamle språk har ei hovudtyding: standing, stans, tøvring. Vertilhøva ved kysten her var vel like vanskelege då som no, og for robåtar som skulde ta seg fram forbi Jæren, var der nok trong for å søkja land i so mange høve, og venta på betre ver. Der var då her ein brukeleg stad å ta ei turvande tøvring under "oporen". På Obrestad lever endå minnet om korleis fiskarar, gjerne austmenn, som rodde og sigla på sildefiske, i nauds høve gjekk på land på sanden, og drog sine båtar inn og opp på land. Dei laut då — sjølv-sagt — venta der på brukande ver. Der var ingen hamn på Obrestad i dei tider. Eirik Bjodaskalle budde på Obrestad segjer Snorre. Me veit ikkje so mykje om han. Men namnet segjer eit par ting. Han var komen frå Bjoa (Ølen, Sunnhordland) og at han var "skalli", som tyder snaudskalle. Far hans heitte Sigurd, og var bror til Bodvar herse, dei var søner til Viking-Kåre som var lendmann på Voss. Eirik på Obrestad hadde desse borna: Sigurd Karlshovud, Jostein og Torkjell Dyrdil (eller Dydrill som det heiter i Finnur Jonsons tekst) og so Astrid, som nok var den gjævaste av alle. Astrid hadde desse borna med kong Tryggve: Ingebjørg, Astrid og Olav Tryggvason, heltekongen. Med Lodin, som ho seinare var gift med, hadde ho døtrene Ingerid,

Ingegjerd og Torkjel Nevja. Av kongsdøtrane vart Astrid gift med Erling Skjalgson på Sola. Dei fekk desse borna: Aslak, Skjalg, Sigurd, Lodin, Tore og Ragnhild. Ingebjørg vart gift med Ragnvald jarl Bruseon. Lodin-døtrane vart gifte med mektige menn på Austlandet (Vestfold) Torgeir og Hyrning.

I slaget ved Svolder var sønene hans Eirik Bjodaskalle med: Torkjel Dyrdil og Jostein var styresmenn på skipet Trana. Son hennar Astrid og halvbror til kongen, Torkjell Nevja, var sjef på Ormen Skamme, — medan kongen sjølv styrde Ormen Lange. Med han i det fælselege slaget var og versønene til kongemora Torgeir og Hyrning med kvar sitt store skip. Om Hyrning segjer skalden Tord Kolbeinson:

Gjetord vent han vann seg
som verja sin konge med sverdet
før Hyrning vert gløymd lat den
høge hall over fjellom bresta.

Millom dei utvalde hermenn som kjempa den blodige striden i framromet på Ormen Lange var og Torstein Kvite frå Obrestad saman med eit tjug andre namngjevne menn.

Jau. Obrestad har eit fint lite namn i vår gamle saga, slik den store sogemannen og skalden Snorre Sturlason har gjeve oss so takande vitnemål om. Frå hans skildringar stig klårt og målande fram det bilete av den staute skapnaden og den store folkehelten kong Olav Tryggvason som enda sitt liv på ein so tragisk måte ved Svolder. Eit bilete som alltid vil tala til oss, born som vaksne, på ein særleg og gripande måte. Og ved sida hans vil også alltid stå den gåyerike og gjeve kongsmora, dronning Astrid. Som var fødd på Obrestad.

Under arbeidet med korrekturlesing av denne boka har underskrevne dryfta med Torgeir Edland sume spursmål vedrørande innleidingskapitlet om gr.nr. 11 - Obrestad. Edland og eg vart då samde om at eg skulde skriva ei tilleggsutgreiding som då kunde gi eit noko variert uttrykk for det ein kort kunde kalla historia om Obrestad set ut ifrå dei gamle historiske kjelder — då særleg det som Snorre har fortalt i sine Kongesoger.

Torgeir Edland har set igjennom det eg her har sett opp, og er nøgd med at alt dette står slik som her, saman med hans eige — som då er den fyrste bolken.

Lars M. Reiestad.

Hér hefr upp sögu Oláfs konungs Tryggvasonar.

K. i. Fæddr Oláfr Tryggvason.

Astríbr hét kona sú, er átt hafði Tryggvi konungr Oláfsson; hon var dottir Eiríks bjósakalla, er bjó á Oprostgum, ríks mannz. En eptir fall Tryggva, þá flyði Astríbr á brot ok for á launungu með lausafé þat, er hon mátti með sér hafa. Henni fylgði fästfrabir hennar, sá er Þorólfr lúsarskegg hét; hann skildisk aldregi við hana, en ábrir trunabarmenn hennar foru á njösn, hvat spurbisk af ovinu hennar eða hvar þeir foru. Astríbr gekk með barni Tryggva konungs. Hon lét flytja sik ut í vatn eitt, ok leynbisk þar í holma nppkurum ok fáir menn með henni; þar fæddi hon barn, þat var sveinn. En er hann var vatni ausinn, þá var hann kallabr Oláfr eptir þburfþbur sinum. Þar leynbisk hon um sumarit, en er nátt myrkbi ok dag tok at skemma, en vebr at kolna, þá byrjabi Astríbr ferb sína ok Þorálfr með henni ok fátt manna, fáru þat eina með byggbum, er þau leynbisk um nætr, ok funnu enga menn. Þau komu fram einn dag at kveldi til Eiríks á Oproshjbum, þbur Astríbar. Þau foru jerniliga, sendi Astríbr menn til bæjarins at segja Eiríki, en hann lét fylgja þeim í eina skemmu ok setja þeim þorb við inum beztum fngnum. En er þau Astríbr hgfðu þar dvalk litla hrib, þá for brot fgruneyti hennar, en hon var eptir ok ii. þjánostukonur með henni ok sonr hennar Oláfr, Þorálfr lúsarskegg ok Þorgils, sonr hans, vi. vetra gamall; þau váru þar um vetrinn.

Her byrjar söga om kong Olav Trygvason.

K. 1. Olav Trygvason kjem til.

Ástrid heitte den kona som kong Trygve Olavson hadde vore gift med; ho var dotter til Eirik Bjodaskalle, som budde på Oprostad, og var ein mektig mann. Men då Trygve var fallen flydde Ástrid bort og for løyneleg med det lausøyra som ho kunde få med seg. Med henne fylgde fosterfar hennar, som heitte Torolf Luseskjegg; han skildest aldri frå henne, men andre av hennar trugne menn var ute på spæjing etter uvenene hennar og kvar dei var. Ástrid gekk med barn etter kong Trygve. Ho let seg flytja ut i eit vatn, og løynde seg der på ein holme med nokre få menn med seg. Der fødte ho eit barn, som var ein gut. Og då han vart aust vatn på, vart han kalla Olav etter farfar sin. Der løynde ho seg om sumaren. Men då nettene vart myrke, og dagen tok til å kortna og det vart kaldt i veret, da gav Ástrid seg på vegen med Torolf og nokre få mann, og var ikkje nede i bygdene anna enn når dei løynde seg der om nettene, og dei møtte ingen. Dei kom ein dag bort på kvelden fram til Eirek på Oprostad, far hennar Ástrid. Dei for løyneleg. Ástrid sende menn til gards, som skulde segja frá til Eirek, og han let fylgja dei til ei lita stova, og sette dei til bords med den beste maten. Men då Ástrid hadde vore der ei stund, då for fylgjet hennar bort, og ho vart att med 2 tenestekvinner og sonen sin Olav, Torolf Luseskjegg og Torgils, son hans, som var 6 vintrar gamal. Dei var der om vinteren.

NAMNEREGISTER

1. Björn
- IB. Engebright
2. Thorchild
3. Willum
4. Oluff Komp
5. Rasmus Olson
6. Jon (Knutson?)
7. Peder (Knutson?)
8. Ola Erikson Torland
9. Severin Godtzen
10. Nils Gitleson
11. Kristen Godtzen
12. Tjøl Monsson
13. Peder Tjølson
14. Eivind Einarson Re
15. Petter Berntson Lolland
16. Lars Hansson Hårr
17. Jon Jonson Hobberstad
18. Asbjörn Olson Auestad
19. Tjøl Pederson
20. Hans Gunnarson Skjelbreid
21. Torsten Hansson Nærland
22. Lars Jonson
23. Erik Jonson
24. Gunnar Hansson
25. Peder Hansson
26. Jon Larsson
27. Hans Eivindson Nærland
28. Jon Torstenson
29. Torsten Torstenson
30. Tjøl Erikson
31. Johannes Svenson Bratland
32. Erik Tjølson
33. Jon Tjølson
34. Torsten-Tobias (T. T. Hobberstad)

35. Hans Pederson
36. Jon Torstenson
37. Peder Hansson
38. Jon Torsten-Tobiasson
39. Lars Larsson Vigre
40. Rasmus Olson Hobberstad
41. Torsten-Tobias Jonson
42. Reinert-Johan Jonson
43. Ingvald Jonson
44. Hans Pederson
45. Torger Pederson
46. Peder Pederson
47. Torsten-Tobias Jonson II
48. Johan Jonson
49. Leonhard Larsson
50. Ole Larsson
51. Otto Rasmusson
52. Åge Torsten-Tobiasson
53. Ingvald I.
54. Jon Rasmusson
55. Olav Olsen Njærheim
56. Olav R. Obrestad
57. Ludvig Nord-Varhaug
58. Peder Hansson
59. Per Pederson
60. Jomar T. T. Obrestad
61. Lasse T. Obrestad

IA. Björn 1519.

IB. Engebright 1519.

2. Torchild 1519 - 1521.

3. Willum 1521.

Rasmus ? 1603.

Erik ? 1603- 1613.

4. Oluff Komp på Obrestad åtte jordegods på Rotvelt i Eigersund i 1578. Han var truleg den same Oluff som er nemnd på Obrestad i 1563, då han skatta y2 dalar. Oluff er og nemnd på Obrestad 1602 og 1613.

5. Rasmus Olson var gift med Anna Gjermundsdotter, var kanskje frå Hauge i Klepp eller hadde butt der ei tid. Jakob Jåthun segjer så. Hans barn var truleg desse:

1. Ola Reime (Reime 7.).
2. Astrid, gift med Jon (6.).
3. Kirsti, gift med Ola Erikson (8.).

6. Jon (Knutson?) var på Obrestad i 1591, lagretsmann. — Kanskje gift med Astrid Rasmusdtr. Budde seinare på Nærland (sjå der 6.).

7. Peder Knutson var bror til 6. Han var lensmann i Kvia i 1610 og budde då på Obrestad. Var det året med som utsending til prins Kristian si hylling i Oslo. Peder var truleg gift med enkja etter Rasmus Olson, Anna Gjermundsdtr., d. kring 1625. Han var barnlaus. Det var kanskje han som Mogens Kvia hadde stukke i 1567.

8. Ola (Erikson Torland) (sjå Torland 7. 2.), var kanskje gift med Kirsti Rasmusdotter (5. 3.) og budde seinare på Granes i Håland eller Madla. (Dette er berre ein laus hypotese.)

9. Severin Pederson Godzen, fut i Stavanger, åtte og brukte 2y2 pund i Obrestad frå 1629. I 1645 er opprekna folket hans på Obrestad: 3 arbeidsdrenger og 3 kvenfolk, og då er ingen andre nemnd på Obrestad. I 1665 er enkja hans, Elisabet Godzen oppført med 9 vett = 2y2 pund. Ho hadde og 3 drenger: Jon Ljødeson (Ødemotland 5.), Kristofer Ormson (Vigre 14.) og Olle Lauritsson. Ein son: Peder Severinson Godzen, var prest i Fedde sokn.

10. Nils Gitleson Øksnevad, son til Gitle Tørresson Nedre Øksnevad i Klepp og kona Marit Sjursdtr. Han var fødd kring 1605, død 1675, skifte 26-5 det året. Han var gift m. enkja etter Tjøl Orre, Ingeborg Omundsdtr., som døde i 1670. Nils hadde butt ei stutt tid på Orre og kom til Obrestad kring 1645. Han var laugrettesmann

1651/55 og lensmann etter Hans Reime 1663/69. Han åtte gods i Rotvelt, Skjæveland og Øksnevad. Han var barnlaus, og brorsonen, Tjøl Monsson, tok over bruket.

11. Kristen Severinson Godtzen brukte halve Obrestad, 2*4 pund, i 1701. Tenarane hans var då: Hans Jonson Bø, Gjermund Halvardson Torland, Kristen Kristenson Mæland i Varhaug og Mathias Anfinnson frå Stavanger.

12. Tjøl Monsson Øksnevad var brorson til Nils Gitleson og son til Mons Gitleson Øksnevad. Mor hans, Anna Tjølsdotter, var dotter til Tjøl Orre og altså stykdotter til Nils Gitleson. — Tjøl var fødd kring 1640, skifte etter han 1-6 1711. Gift 1) med Margreta Pedersdotter Lind, som der var skifte etter 26-9 1694, dotter til Lye-presten Peder Kristenson Lind, gift 2) med enkja etter Omund Hansson Reime, Berit Nilsdtr. I 1667 byksla Tjøl Obrestad 5 vetter (30 spand) i Obrestad av presten i Kvinesdal, Peder Søfrensen Godtzen. I 1685 pantsatte Jens Søfrensen Godtzen 1 pund og 5 spand i Obrestad til Tjøl Monsson for eit lån på 116 riksdalar. Denne parten var det som Tjøl sin farbror hadde brukt. Tjøl åtte heile Norheim i Time og y2 pund i Store Salte. Då han gifta seg andre gongen, gav han frå seg Obrestad til sonen Peder og flutte til Reime. Han hadde 4 barn i første gifte:

1. Peder Obrestad (13.).
2. Hans Nærland (Nærland 18.).
3. Anna Tjølsdtr., gift 1) med Nils Rott, gift 2) med Jakob Rott.
4. Margreta, gift med Ola Omundson Reime.

13. Peder Tjølsen, son til 12., var fødd kring 1671, død 1746, skifte etter han 12-12 det året. Han var gift med (enkja etter Eivind Gjermundson Haugland i Time?) Berit Knutsdotter, som der var skifte etter 30-4 1742, dotter til Knut Grøtheim i Randaberg. I 1701 pantsatte presten Peder Godtzen 1 pund og 1 spand i Obrestad til Peder Tjølsen for lån av 150 rdl. Peder Tjølsen åtte 20 spand i Salte, 18 spand i Torland og 1 pund i Norheim. I 1743 selde han 16y2 spand i Norheim til Eivind Aslakson Norheim og 11 spand til Ola Pederson. — Peder og Berit Obrestad hadde 5 barn:

1. Eivind Næsheim, f. 1700 (Næsh. 38.).
2. Tjøl Obrestad, f. 1702 (19.).
3. Ingeborg, gift 1) med Tore Samuelson Søyland (Søyland 12.) — gift 2) med Omund Jonson (Søyland 13.).

4. Anna, — gift med Rasmus Samuelson Kleppe, lensmann i Klepp.
 5. Margreta, gift med lensmann i Eigersund, Gunnar Skjelbreid.
 (Sjå ellers Tingbok II side 229, 233, 247, Tingbok III side 148, 208, 336, Tingbok IV side 8, 26, 41, 63, 93.)

14. Eivind Einarson Re var son til Einar Rasmusson Re og kona Astrid Isaksdtr. frå Nærland, f. kring 1677, d. før 1728, gift med Kirsten Kristofersdotter Oгна, dotter til Kristofer Aslakson Oгна frå Opstad. Eivind brukte 1 pund og 3 sp. som Kristian Godtzen hadde ått eller truleg åtte. Etter Eivind gifta Kirsten seg med Asbjørn Olson. — Eivind hadde 7 barn:

1. Isak, var død før 1759 utan etterkomarar.
2. Einar.
3. Ola, død før 1759.
4. Rasmus, død før 1759. Ingen av dei hadde etterkomarar.
5. Berit Eivindsdtr., gift med Nils Torstenson Vigre (Vigre 24.).
6. Kirsten Eivindsdtr., gift med Torsten Hansson (21.).
7. Adrian, fødd kring 1722, død ugift. Tente på Vigrestad i 1758, 36 år.

Eivind sine arvingar gav skjøte til Tjærand Olson Frøyland på 10 sp. odelsgods i Frøyland i Time 1728.

15. Petter Bemtson Lolland var på Obrestad i 1706. Det er uvisst kven han var. Mor hans heitte Kirsten Henriksdtr. og var på Obrestad i 1706. Petter var fødd kring 1680 i Fedde sokn. I 1704 tente han på Ørre og var stemnd for retten for leiermål. Gift med Anna Villumsdtr. Åse, dotter til Villum Larsson Åse i Klepp og kona Guri Omundsdtr. Petter brukte 1 pund 3 sp. I 1706 flutte han til Årsland i Varhaug og døde der i 1736. Der var skifte etter han på Årsland 20-2 det året, og då er der nemnde 7 barn:

1. Kristen Petterson, var gift og budde i Bergen.
2. Bernt Petterson, f. 1714, gift 1736 med Mari Antoniusdotter Kvalbein. Budde på Tu.
3. Villum Petterson, f. 1717.
4. Henrik Petterson, f. 1722.
5. Petter Petterson, f. 1724.
6. Jon Petterson, f. 1727.
7. Guri Pettersdtr., f. 1730.

Enkja Anna Villumsdtr. vart sidan gift med Rasmus Gitleson Årsland.

16. Lars Hansson Hårr var son til Hans Larsson Hårr i Varhaug og kona Anna

Pedersdtr. frå Lintjørn i Oгна. Han var fødd kring 1645, gift 1) med Anna Pedersdtr. som der var skifte etter 4-9 1690, gift 2) med Berit Omundsdtr. Reime, skifte 21-3 1705 (sjå Reime 11. 5.), gift 3) med enkja etter Ola Salomonson Odland, Malena Olsdtr. Dei var skylde i 3dje ledd og måtte ha kongebrev. Lars budde på Lintjørn til 1678. Då kom han til Hårr, der han budde til 1705, og deretter på Odland til kring 1710, då han kom til Obrestad. På Obrestad brukte han dei 1 pund 3 sp. som Petter Berntson hadde brukt, og som amtmann Kristen Svanhjeml åtte i 1723. Lars hadde 4 barn i første gifte og 1 i andre. (Sjå Hårr i Varhaug 21.)

17. Jon Jonson Hobberstad var son til lensmann Jon Erikson Hobberstad i Varhaug og andre kona Anna Torstensdtr. frå Grødaland (sjå Hobberstad 25. 4.). Han var fødd kring 1693, død 1758, gift med Berit Larsdtr. Obrestad, fødd kring 1698, skifte 1-9 1760, dotter til Lars Hansson Hårr (Hårr 21. 5.). Jon byksla 1 pund 3 sp. av Svanhjeml etter Lars Hansson truleg frå 1720. I 1738 kjøpte han 9 sp. i Odland som Tore Toreson brukte. Ved skifte etter enkja i 1760 er eiga oppgjeve å vera: 345 dalar 6 ort. Av det var reide pengar 100 dalar, 9 sp. i Odland 33 dalar, 20 sp. i Hårr 60 dalar, 3*4 sp. i Reime 9 dalar 3 ort, andre 3*4 sp. i Reime 9 dalar 3 ort, 6 sp. i Tunheim 12 dalar, 9 sp. i Hobberstad (Einars bruk) 27 dalar = 523 dalar 6 ort -f- heimegifte til 4 barn med 80 dalar til kvar. Systra fekk likt med brørne. Der var 5 barn:

1. Anna Jonsdtr., f. 1721, gift med Hans Klausson (Husveg 24.).
2. Lars Jonson Obrestad, f. 1726 (22.).
3. Kari Jonsdtr., f. 1729, gift med Ola Gabrielson Austrått.
4. Jon Jonson Hobberstad, f. 1732, gift 1) 1764 med Anna Olsdtr. Kvasheim, gift 2) 1766 med Anna Torstensdtr. Hobberstad. Budde først på Kvasheim i Oгна, sidan på (Hobberstad 35.).
5. Erik Jonson Obrestad, f. 1742 (23.).
6. Laurentsa Jonsdtr. er ikkje nemnd ved skiftet etter mora i 1760, men ho må plent ha vore dotter til Jon Jonson. Ho vart gift i 1795 med Hans Stigson Vig.
7. Ei dotter døypt i Time 1735 (Mar ...?).

18. Asbjørn Olson Auestad var son til Ola Ellingson Auestad i Varhaug og kona Kirsti Larsdtr. frå Høyland (Auestad 13. 4.). Han var fødd kring 1706, og der var

skifte etter han 10-9 1740, gift med enkja etter Eivind Einarson, Kirsten Kristofersdtr., d. på Vigrestad i september 1764. Han byksla 1 pund 3 sp. av Svanhjelms frå 1727. — 2 barn:

1. Kirsten Asbjørnsdtr., f. 1728, gift 1) med Gunnar Olson Vigrestad, gift 2) med Jon Torkelson Vigrestad (sjå der 22. og 28.).
2. Eivind Asbjørnson, f. 1731, død på reis frå København til Spania i 1759.

19. Tjøl Pederson Obrestad, son til 13., fødd kring 1702, gift med Anna Eriksdtr. Hobberstad, fødd kring 1700, dotter til lensmann Erik Jonson Hobberstad og kona Ingeborg Eriksdtr. frå Nærland (sjå Hobberstad i Varhaug 30. 3.). Dei hadde ikkje barn og heldt skifte 12-6 1778. Tjøl hadde teke over halve bruket av faren i 1742, 1 pund 3 sp. som gjekk til Erik Jonson.

20. Hans Gunnarson Skjelbreid var son til lensmann i Eigersund Gunnar Hansson Skjelbreid og kona Margreta Pedersdtr. frå Obrestad (sjå 13. 5.). Han var fødd kring 1725, død 14-4 1807, gift 1) med Berit Eriksdtr. (Hobberstad 30. 7.), fødd 1726, død 1757. Ho var syster til Anna som var gift med Tjøl Pederson, gift 2) med Berit Nilsson Vigre, fødd kring 1738, død 25-6 1822 (Vigre 24. 1.). Hans Gunnarson arva 121/k sp. etter mora og løyste inn broren Knut sine 12y2 sp. i 1755. Dei andre 2 sp. åtte provst Godtzen sine arvingar. Han brukte i alt 1 pund 3 sp. frå 1747. Han fekk 3 barn i første gifte og 6 i andre:

1. Peder Hansson, f. 1747, død ugift.
2. Margreta, f. 1752, gift 1) med Mons Monsson Bjorland (Bjorland 5.), gift 2) med Sven Jonson Reiestad (Reiestad, Varhaug 26.).
3. Ingeborg, f. 1755, gift med Lars Olson Vigre (Vigre 35.).
4. Gunnar Hansson Obrestad, fødd 1765 (24.).
5. Nils Hansson, f. 1766, d. 13-8 1817, ugift. Han hadde ein son: Nils Nilsson Valdeland, f. 29-11 1805. — Budde på Valdeland i Varhaug. — Nils Hansson var los.
6. Berta Hansdtr., f. 1769, gift 1) med enkjem. Lars Tjæranson Grødalaland, gift 2) med Jens Tjølson Grødalaland (Grødalaland 13.).
7. Edvard Hansson. Han var kjøpmann i Waimoth, England.
8. Berta Malena, f. 1773, gift med Hans Tjølson Nærland (Nærland 24.).
9. Peder Hansson Obrestad, f. 1770.

21. Torsten Hansson Nærland (sjå Nærland 18. 3.). Han var fødd kring 1720, gift 1) med Kirsten Eivindsdtr. Obrestad, som der var skifte etter 18-7 1752 (14. 5.), gift 2) med Malena Jonsdtr. Vestly, fødd kring 1723, død 23-4 1807, dotter til klokkar Jon Tjæranson Vestly frå Grødalaland og kona Malena Omundsdr. frå Reime. Torsten byksla 1 pund 3 sp. av Svanhjelms arvingar i 1740 etter Asbjørn Olson. I 1764 kjøpte han dette av Dorthe Marie og Mette Kristine von der Lippe for 150 rdl. Torsten Hansson fekk 5 barn i første gifte og 3 i andre:

1. Kirsten, f. 1741, gift 1) med enkjem. Jon Jonson Vig, gift 2) med Nils Jenson Vig (sjå Odland 31. 9.).
2. Hans Torstenson, f. 1743, gift med Sara Jørgensdtr. Vig. Budde på Vig i Orre.
3. Eivind Torstenson Nærland, f. 1747 (sjå Nærland 27.).
4. Berta, f. 1745, gift med kjøpm. Engel Hansen i Stavanger.
5. Jon Torstenson, fødd 1750, gift med Karen Olsdtr. Vig. Budde på Vig i Orre.
6. Kirsten Malena, f. 1757.
7. Jon Torstenson Obrestad, f. 1760 (28.).
8. Torsten Torstenson Obrestad, f. 1765 (29.).

22. Lars Jonson Obrestad, son til 17., fødd kring 1726, død 4-12 1795, gift 1) med Ingeborg Jonsdtr. Hobberstad, fødd kring 1735, skifte 17-10 1782, dotter til lensmann Jon Erikson Hobberstad og kona Ragnhild Torstensdotter frå Grødalaland (Hobberstad 32.). Dei var tremeningar, gift 2) med Siri Eliasdtr. Odland, fødd kring 1732, død 16-11 1811, dotter til Elias Trulsson Odland og kona Johanna Olsdtr. (sjå Odland i Varh. 30. 2.). Lars Jonson kjøpte 1 pund 3 sp. i Obrestad av Dorthe Marie og Mette Kristine von der Lippe i 1764 for 150 rdl. som far hans hadde brukt. — Han fekk 6 barn i første gifte:

1. Jon Larsson Obrestad, f. 1764 (26.).
2. Jonas Larsson, f. 1766, d. 2-2 1804, ugift.
3. Lars Larsson, f. 1769, d. 30-1 1804, ugift.
4. Berit Larsdtr., f. 1771, gift 1-5 1796 med Elias Pederson Husveg i Varhaug (sjå der 32.).
5. Ragnhild Larsdtr., f. 1776, gift med enkjemann Jon Tjølson Bø (Bø 67.).
6. Jon Larsson Sør-Reime, f. 1778 (Sør-Reime 22.).

23. Erik Jonson Obrestad, bror til Lars Jonson, fødd kring 1742, død 8-12 1805,

gift med Herborg Torstensdtr. Hobberstad, fødd kring 1754, død på Grødaland 14-12 1849, dotter til lensmann Torsten Erikson Hobberstad og kona Anna Torstensdtr. frå Grødaland (Hobberstad 33. 3.). Ho var dobbel syskenbarn til Ingeborg Jonsdtr. som var gift med Lars Jonson (22.). Erik Jonson kjøpte 1 pund og 3 sp. i Obrestad av oberst Smiths arvingar i 1773 for 250 rdl. Det var den parten som Tjøl Pederson hadde brukt, og han gav oppsett til Tjøl og kona i 1776 mot at dei skreiv frå seg alt dei åtte til Erik Jonson og Herborg Torstensdtr. Desse var ikkje gifte då, og det vart sett det vilkår at dei skulle gifta seg. Dette gjorde dei då i 1776. Enkja Sara Godtzen hadde selt desse 1 pund og 3 sp. til kaptein Michael Smith i Stavanger i 1759 for 100 rdl. Erik og Herborg fekk 4 barn:

1. Tjøl Erikson Obrestad, f. 1779 (30.).
2. Berta Eriksdtr., f. 1777, gift med Torsten Torstenson (29.).
3. Anna Eriksdtr., f. 1786, gift med Jon Larsson (26.).
4. Jon Erikson Reime, f. 1789 (sjå Reime 34.).

24. Gunnar Hansson Obrestad, son til 20., fødd kring 1765, død 17-1 1814, gift 26-6 1810 med Anna Maria Toresdtr., fødd i Stavanger 1787. Etter Gunnar gifta ho seg med Tjærand Paulson Nærland (sjå Nærland 30.). Gunnar løyste inn 25 sp. av brørne sine, Nils og Hans, i 1810 for 600 rdl., og 2 sp. av Karen Ankerman Smith i 1792 for 15 rdl. Gunnar Hansson hadde 2 døtre:

1. Berta, f. 5-5 1811, gift 7-12 1827 med Ola Henrikson Hårr (sjå Høyland 79.).
2. Anna, f. 25-2 1813, gift 10-10 1831 med Tjøl Hansson Nærland (sjå Nærland 33.).

Ved skiftet etter Gunnar Hansson 11-5 1814 vart 27 sp. i Obrestad sette i 3000 rdl. og gjekk til enkja, og 16y2 sp. i Norheim gjekk til enkja og døtrene for 200 rdl. Gunnar hadde selt 12 sp. i Bryne til sersjant Erik Hansson i 1813 for 216 rdl. og 64 skill.

25. Peder Hansson Obrestad, var halvbror til Gunnar, fødd kring 1770, død 27-5 1827, gift 27-2 1813 med Herborg Tjærandsdtr. Reime, fødd 1779, død 18-8 1848 (sjå Reime 23. 5.). Peder kjøpte 27 sp. av broren Nils i 1816, som Nils hadde fenge skjøte på 6-3 1813. Dette skjøte må han ha fenge av Gunnar Hansson, men eg har ikkje sett det i panteboka. Prisen som Peder skulle betala var 166 rdl. Dette høver ikkje med det som vart avgjort i skifteretten i 1814, då dei 27 sp.

vart sette i 3000 rdl. Men kanskje skulle Nils ha dei 166 rdl. og enkja og døtrene resten? Etter Peder var død gifta enkja seg med Johannes Svenson som vart buande på Obrestad. — Peder Hansson og Herborg Tjærandsdtr. hadde 4 barn:

1. Berta, f. 25-2 1814, gift 27-6 1843 med Tarald Antoniusson Kvalbein i Ogna.
2. Margreta, f. 20-3 1816, gift 30-6 1853 m. Erik Jonson Reime (sjå Reime 45.).
3. Hans Pederson Obrestad, f. 4-6 1818 (35.).
4. Tjærand, f. 2-6 1821, d. 9-5 1829.

26. Jon Larsson Obrestad, son til 22., fødd kring 1764, død 19-4 1822, gift 6-10 1814 med Anna Eriksdtr. Obrestad (23. 3.), fødd 1786, død 20-3 1854. Jon Larsson løyste inn 27 sp. av syskena sine i 1796 for 237 rdl. I 1808 kjøpte han halvparten i dei 3 kyrkjene i Haa på auksjon på Øksnevad saman med Anfinn Hana av Sven Olson Hana si dødsbu for 700 rdl. I 1814 selde Jon sin part i kyrkjene til Ole Songesand i Stavanger for 300 rdl. I 1813 kjøpte Jon Larsson 12 sp. i Tjøtta i Klepp av Tolleiv Olson Tjøtta for 166 rdl. Då han var død gifta enkja seg med Hans Eivindson Nærland som vart buande på Obrestad. Jon Larsen hadde 3 døtre:

1. Ingeborg, f. 5-8 1815, gift med Torsten Tobias Hobberstad (34.).
2. Herborg, f. 3-10 1817, d. 13-10 1849, ugift.
3. Ingeborg Berte, f. 27-8 1820, gift med Hans Pederson (35.).

27. Hans Eivindson Nærland (sjå Nærland 27. 5.), f. 28-3 1790, d. 21-10 1852, gift (1825?) med enkja etter Jon Larsson, Anna Eriksdtr. Hans Eivindson brukte parten etter Jon Larsson til 1848, då Torsten Tobias Hobberstad tok over. Han hadde ikkje barn.

28. Jon Torstenson Obrestad, son til 21., fødd kring 1760, død 1-3 1800, gift 8-10 1797 med Tala Ivarsdtr. Ytstebrød, fødd 1778, dotter til Ivar Torgerson og Maren Jonsdtr. Ytstebrød i Eigersund. — Jon kjøpte 1 pund 3 sp. av faren i 1780 for 190 rdl. Då han var død selde enkja til Torsten Torstenson i 1800 og gifta seg med Ola Olson Nærland (sjå Nærland 28.). Jon Torstenson hadde ikkje barn.

29. Torsten Torstenson Obrestad, var bror til 28., f. 1765, d. 3-4 1852. Den 3-3 1806 vart han trulova med Berta Eriksdtr. Hobberstad. — Bryllupet var dagsett til 23-3, men så døde Berta brått den 12-3 og vart gravlagd 23-3, — den dagen ho

skulle vore brud. Ho var då 22 år gamal. Så vart Torsten gift 5-7 1807 med syskenbarnet hennar, Berta Eriksdtr. Obrestad (23. 2.), f. 1777, d. 8-2 1829, og gift 2) 2-11 1831 med Elisabet Pedersdtr. Ødemotland, f. 7-12 1806, d. 1-5 1861 (Ødemotland 10. 7.). Torsten løyste inn dei 1 pund 3 sp. av enkja etter broren i 1800 for 450 rdl. Han fekk 3 barn i andre gifte:

1. Jon Torstenson, f. 1-12 1832, d. 8-12 s. å.
2. Jon Torstenson Obrestad, f. 10-12 1833 (36.).
3. Peder Mikal Torstenson, f. 19-1 1838, d. 20-10 s. å.

30. Tjøl Erikson Obrestad, son til 23., fødd kring 1779, død 4-9 1852, gift 2-11 1820 med Johanna Jonsdtr. Bø, fødd 23-3 1800, død 15-1 1850 (sjå Bø 67. 1.). Tjøl kjøpte 1 pund 3 sp. av faren i 1800 for 300 rdl. Dei fekk 4 barn:

1. Herborg, f. 22-9 1821, gift 24-6 1852 m. Tjærønd Paulson Grødaland (Grødaland 18.).
2. Erik Tjølson Obrestad, fødd 26-8 1823 (32.).
3. Jon Tjølson Obrestad, fødd 24-11 1826 (33.).
4. Rakel Tjølson, f. 18-4 1831, gift med Jon Torstenson (36.).

31. Johannes Svenson Bratland var son til Sven Ellingson Bratland i Varhaug og kona Astrid Olsdtr (sjå Bratland 14. 9.). Han var f. 9-9 1798, død 27-8 1876, gift 1) 22-11 1827 med enkja etter Peder Hansson, Herborg Tjærøndsdr. Ho døde 18-8 1848, og så gifta han seg 2) 4-11 1858 med Ane Govertsdtr. Arsvoll, fødd 9-2 1825, død 6-10 1901, dotter til Govert Jonson Arsvoll i Høyland og kona Karen Malena Rasmusdtr. frå Kleppe. Johannes brukte parten etter Peder Hansson til styksonen Hans Pederson tok over i 1839. Johannes Svenson var vaksinatør. Han hadde ikkje barn i første gifte, men 5 i andre:

1. Sven Johannesson, f. 2-7 1859, gift med Oline Hansdtr. Øvre Haugland i Time. Reist til Amerika.
2. Herborg, f. 27-4 1861, gift med Helmik Sør-Reime (S-Reime 43.).
3. Johan Johannesson, f. 12-6 gift med ei Ane. Budde på Hellestø i Håland.
4. Gabriel Johannesson, f. 16-4 1865, gift med Justine Severine Jeremiasdotter Herigstad, f. 1870 i Time. — Reist til Amerika.
5. Anne Bergitte, f. 29-2 1868, gift 12-11 1896 med Rasmus Mikkelsen Husveg i Varhaug (sjå der 51.).

32. Erik Tjølson Obrestad, son til 30., f. 26-8 1823, d. 23-9 1860, gift 17-11 1859 med Anna Sivertsdtr. Husveg, f. 3-6 1840, dotter til Sivert Samuelson Husveg i Varhaug og kona Berta Malena Josefsdtr. frå Anestad (sjå Husveg 37. 1.). Erik brukte 1 pund 3 sp. frå 1839 som han fekk skjøte på av faren i 1841. Då han døde barnlaus gifte enkja seg i 1865 med Mikkell Rasmusson Husveg, og broren Jon Tjølson tok over Obrestad.

33. Jon Tjølson Obrestad, bror til 32., f. 24-11 1826, d. 27-12 1905, gift 4-4 1862 med Ingeborg Rasmusdtr. Hobberstad, f. 9-10 1825, d. 1-3 1905, dotter til Rasmus Erikson Hobberstad og kona Berta Kirstina Rasmusdtr. (sjå Hobberstad, Varh. 40. 2.). Jon tok over parten etter broren Erik i 1862 for 2500 spd., som gjekk til enkja Anna Sivertsdtr. med 1500, til systera Rakel med 241 og til systersonen Peder Tjærøndson Grødaland med 281 spd. Jon sin lut skulle då vore 478 spd. Jon Tjølson festa eit stykke i den nord-austre del av eigendomen stort 1395 alner ved hamnen til T. H. Puntervoll i Egersund, for $5\frac{1}{2}$ skilling pr. kvadrat aln, i alt 63 spd. Dei fekk ikkje barn.

34. Torsten Tobias Hobberstad, var son til Torsten Tobias Erikson Hobberstad og kona Sissel Henriksdtr. (Hobberstad 39. 4.). Han var f. 18-12 1822, d. 21-7 1901, gift 1) 5-4 1848 med Ingeborg Jonsdtr. Obrestad (26. 1.), f. 5-8 1815, d. 11-9 1857, gift 2) 24-1 1859 med Anne Elisabet Jonsdtr. Næsheim, f. 24-1 1838, d. 2-12 1930 (Næsheim 84. 6.). Torsten Tobias tok over bruket etter Hans Eivindson i 1848. Eg har ikkje sett noko skjøte eller kjøpebrev om dette. Men ved skifte etter første kona vart han tillagd ein halv part i Lindal og ein halv part i Bryne for 500 spd. T. T. Obrestad var ordførar eller varaordførar, med stytte avbrot, frå 1850 til 1880. Han hadde 3 barn i første gifte og 10 i andre:

1. Anne Bergitte, f. 3-3 1849, gift med Jon Torstenson (36.).
2. Jon T. T. Obrestad, f. 25-5 1851 (38.).
3. Torsten Tobias, f. 11-10 1855, d. 27-12 1900, ugift (Høneland?).
4. Ingvald, f. 2-1 1861, d. 7-8 1898, ugift.
5. Johan, f. 23-3 1862. Sjømann, ugift.
6. Seline Alida, f. 28-4 1864, gift 6-11 1890 med Nikolai Nilsson Haugland. I Amerika.
7. Torsten Tobias, f. 2-5 1866.
8. Elias, f. 9-9 1868.
9. Andreas Enevald, f. 4-1 1871, gift med

- Olina Justina Ole Johannesdr. Re, f. 1875, d. 28-10 1948. Han var snekker og budde på Thu.
10. Hans Obrestad, f. 13-6 1873, gift 2-2 1908 med Elna Odine Hansdr. Rød, f. 1881, d. 21-11 1959. Handelsmann på Nærbø.
 11. Anna Henrikke, f. 2-11 1875, d. 2-2 1882.
 12. Elisabet, f. 29-11 1877, gift 6-12 1900 med Kristen Kristenson Viste, f. 1876.
 13. Anna Elisabet, f. 18-3 1880, d. 11-4 1889.
- 35. Hans Pederson**, son til 25., f. 4-6 1818, d. 23-5 1899, gift 1) 28-6 1848 med Ingeborg Berte Jonsdr. Obrestad (26. 3.), f. 27-8 1820, d. 16-1 1863, gift 2) 12-7 1864 med Berta Elisabet Toresdr. Grødaland, f. 22-2 1833, d. 11-3 1928 (Grødaland 16. 2.). Hans Pederson tok over bruket etter stykfarens, Johannes Svenson, i 1839. I 1853 selde han 12 sp. i Hognestad til Abraham og Enok Einarsoner for 550 spd. og i 1954 selde han 15 sp. i Auglend til Albret Rasmusson for 250 spd. I 1856 kjøpte han 6 sp. i Haavåg Laksefiske av enkefru Jørgensen for 170 spd. — Han hadde 5 barn i første gifte og 6 i andre:
1. Peder Hansson Obrestad, f. 5-12 1849 (37.).
 2. Hanna Tomine, f. 1-2 1853, gift 26-3 1874 med Hans Jonasson Husveg i Varhaug (sjå der 43.).
 3. Jon Hansson Obrestad, f. 5-1 1859, d. 9-2 1942, ugift. Han budde på Obrestad og var snekker. Laga m. a. treskeverk.
 4. Anna Helena, f. 2-9 1855, gift med Jon T. T. Obrestad (38.).
 5. Ingeborg Berte, f. 6-8 1861, d. 27-4 1940, ugift.
 6. Ingeborg Berte, f. 24-4 1865, d. 23-1 1889, ugift.
 7. Tobias Hansson, f. 4-8 1867, d. 13-9 1901. Sjømann, ugift.
 8. Ingeborg, f. 1-7 1880.
 9. Hans Hansen, f. 19-10 1872, d. 21-12 1876.
 10. Berta Elisabet, f. 5-3 1875, gift med Clausen i USA.
 11. Hanna, f. 11-5 1877, d. 28-8 1964, gift 7-9 1901 med målar Martin Svenson Tjøtta på Bryne, f. 1876.
- 36. Jon Torstenson Obrestad**, son til 29., f. 10-12 1833, d. 1-2 1921, gift 1) 23-5 1862 med Rakel Tjølstr. Obrestad (30. 4.), f. 18-4 1831, d. 6-12 1867, gift 2) 13-4 1869 med Anne Bergitte Obrestad (34. 1.), f. 3-3 1849, d. 13-2 1900. Faren skreiv over på han 27 sp. i 1845 for 200 spd. For-
- myndar var Lars Knutson Tvihaug. Jon Torstenson var mykje nytta i bygdestyret. Han hadde 1 barn i første gifte og 7 i andre:
1. Torsten Bernhard, f. 26-1 1867, d. 11-2 1924, ugift.
 2. Reinert, f. 1-8 1870, d. 23-10 1875.
 3. Torsten Tobias Obrestad, f. 25-6 1872 (41.).
 4. Elisabet, f. 21-5 1875, gift i Amerika med Mr. Holmes.
 5. Reinert Johan Obrestad, 3-6 1878 (42.).
 6. Ingvald Obrestad, f. 23-1 1881 (43.).
 7. Jon Obrestad, f. 29-2 1884, d. 22-3 1969. Budde på Nærbø. Bygningsm., ugift;
 8. Arne Obrestad, f. 19-12 1886, gift med Gunhild Folkestad. Busatt i Gvarv, Telemark.
- 37. Peder Hansson**, son til 35., f. 5-12 1849, d. 3-9 1927, gift 11-4 1878 med Gurine Torgersdr. Edland, f. i Gjesdal 5-10 1853, d. 16-10 1935, dotter til Torger Torgerson Edland og kona Guri Toresdr. Ved skifte etter mora i 1864 vart bruket tilskreive Peder Hansson for 1000 spd., men faren stod som brukar til 1896. Dei fekk 9 barn:
1. Ingeborg Berte, f. 4-3 1879, d. 5-3 s. å.
 2. Ingeborg Berte, f. 23-4 1880, gift med Tobias Jonson (41.).
 3. Hans Obrestad, f. 2-7 1881 (44.).
 4. Guri, f. 17-1 1883, gift med Reinert Johan Obrestad (42.).
 5. Torger Obrestad, f. 10-8 1884 (45.).
 6. Peder Obrestad, f. 28-12 1885 (46.).
 7. Grete, f. 14-6 1887, gift 5-9 1914 med Rasmus Njølstad (sjå Njølstad 19. 2.).
 8. Bergitte Obrestad, f. 1-2 1889. Bur på **OhrpqtñH**
 9. Tore, f. 19-6 1890, d. 20-12 1910.
- 38. Jon Torsten Tobiasson**, son til 34., f. 25-5 1851, d. 19-6 1907, gift 23-10 1879 med Anna Helena Hansdr. Obrestad (35. 4.), f. 2-9 1855, d. 14-1 1911. Jon vart tilskreven garden ved skiftet etter mora i 1859 for 1000 spd. Han tok over i 1876. Dei fekk 11 barn:
1. Torsten Tobias, f. 20-10 1880, d. 9-1 1883.
 2. Ingeborg, f. 4-4 1882, d. 16-6 1908, ugift.
 3. Torsten Tobias Obrestad, f. 3-8 1884 (47.).
 4. Ingeborg Berte, f. 30-10 1886, d. 21-3 1888.
 5. Ingeborg Berte, f. 16-7 1889, d. 5-5 1907.
 6. Hans, f. 22-10 1890, d. i Amerika 8-1 1920, ugift.

7. Johan, f. 5-11 1891, d. 8-8 1938, ugift. Han fekk ein part av farsgarden, bnr. 10. Olav Njærheim kjøpte denne parten i 1938.
8. Henrik, f. 28-10 1893, d. 1-4 1894.
9. Anna Helena, f. 13-10 1892, d. 14-7 1966, gift 22-8 1928 med Asbjørn Asbjørnson Anestad, f. 3-8 1893. Budde på Bore i Klepp (sjå Haa 11. 2.).
10. Herborg, f. 20-9 1897, d. 19-11 s. å.
11. Terese, f. 30-12 1899, d. 30-2 1900.
39. Lars Larsson Vigre (sjå Vigre 49. 6.), f. 14-5 1870, d. 9-9 1966, gift 25-8 1898 med Berta Kristina Olsdr. Hobberstad, f. i Stavanger 16-4 1870, d. 2-1 1914 (sjå Skjærpe 39. 2.). Lars var sjømann i ungdomen. Han tok over halve bruket etter Jon Tjølson Obrestad, bnr. 2. I futebøkene står Lars Olson oppført på dette bruket i 1893. — Lars og Berta Kristina fekk 8 barn:
1. Jon, f. 19-7 1900, d. 14-7 1917.
 2. Leonhard Obrestad, f. 8-5 1902, gift 22-8 1931 med Inga Njærheim, f. 28-11 1901 (Njærheim 137. 3.). Bur på bnr. 2.
 3. Ole Tobias Obrestad, f. 19-11 1903, gift 19-11 1932 med Ruby Hobberstad, f. i Dakota 12-7 1911. Bur på bnr. 14.
 4. Ingvald Obrestad, f. 21-6 1905. Bur i Amerika.
 5. Erik Obrestad, f. 7-2 1907, g. i Amerika.
 6. Otto Obrestad, f. 16-4 1908. Bur på Lode, bnr. 3.
 7. Leif Obrestad, f. 25-12 1910.
 8. Ragnar, f. 2-1 1914, død same dag.
40. Rasmus Olson Obrestad (sjå Skjærpe 39. 1.), f. i Stavanger 10-1 1870, gift 7-3 1902 med Olina Olsdr. Lerbrek, f. 23-12 1870, d. 18-10 1964, dotter til Ola Olson Lerbrek i Varhaug og kona Berta Ellingsdr. frå Bø (Lerbrek 31. 6.). Rasmus var sjømann i ungdomen. Han og systera, Berta Kristina, var fostra hjå Jon Tjølson Obrestad som skifte garden mellom dei. Rasmus står i futerekneskapen i 1893, men han tok ikkje over parten sin, bnr. 7, før i 1902. Dei fekk 9 barn:
1. Ingeborg, f. 22-9 1902, gift 22-10 1932 m. Ludvig Nord-Varhaug (N-Varhaug 40. 2.).
 2. Jon Obrestad, f. 9-7 1904, d. 26-11 1928. Han var matros.
 3. Theresia, f. 17-12 1905, gift 16-3 1935 med Rasmus (Nord-Varhaug 43. 1.).
 4. Olav Obrestad, f. 13-5 1907, gift 4-10 1936 med Sigrd Kvía, f. 2-7 1916. Bur på Obrestad, bnr. 15.
 5. Otto Obrestad, f. 16-12 1909. Bur på Obrestad, bnr. 7.
41. Torsten Tobias Jonson, son til 36., f. 25-6 1872, gift 24-11 1904 med Ingeborg Berte Obrestad (37. 2.), f. 25-4 1880, d. 22-10 1939. Tobias Obrestad var mange år medlem av heradstyre og formannskap og var ordførar i omlag 20 år. Han var også m. a. formann i bankstyret, og medlem og formann i styret for Jæren E-verk i mange år. — Han tok over ein part av farsgarden, bnr. 8. Saman med Lars M. Reiestad skreiv han Bygdesoga for Haa Prestegjeld 1837 - 1937. Dei fekk 6 barn:
1. Torstein Johan, f. 15-7 1910, bur hjå broren Åge på Obrestad.
 2. Paul Obrestad, f. 24-3 1912, gift 1944 med Rakel Hansdr. Hetland, fødd i Høyland 14-11 1918. Bur på Hobberstad.
 3. Åge Obrestad, f. 14-5 1914, gift med Magnhild Underdal, f. i Ulvik, Hardanger 19-9 1924. Bur på Obrestad, bnr. 8.
 4. Guri, f. 1-4 1916, d. 5-2 1917.
 5. Gaute Obrestad, f. 28-11 1917, gift med Signe Margrete Aarrestad, f. 7-7 1918. Handelsmann på Nærbø.
 7. Borgny, f. 17-11 1919, gift 31-12 1947 med Brynjulf Mugås.
42. Reinert Johan Obrestad, bror til 41., f. 6-3 1878, gift 22-9 1905 med Guri Obrestad (37. 4.), f. 17-1 1883, d. 25-8 1927. Reinert Obrestad har vore med i formannskap og heradstyre og ymse andre styre i bygda. Han tok over hovedbolet av farsgarden, bnr. 10. Han har 5 barn:
1. Aslaug, f. 3-11 1906, gift 7-9 1935 med Nils Nærland (Nærland 53. 3.).
 2. Jon Obrestad, f. 6-8 1908, gift 1936 med Sofie Riise, f. i Stavanger 7-9 1909. Bur på Obrestad, bnr. 10 (54.).
 3. Peder Obrestad, f. 18-2 1911, gift med Jørgine Salte, f. 30-3 1918.
 4. Gudmund Obrestad, f. 27-7 1914, gift 10-6 1944 med Klara Valved, f. i Romsdal 1914, d. 27-1 1969. Busett i Lyngdal.
 5. Ragnar Obrestad, f. 2-2 1916, gift med Gustine Espeland, fødd i Jondal, Hardanger. Han bur i California, USA.

43. Ingvald Obrestad var bror til 41. og 42., f. 23-1 1881, d. 29-6 1945, gift 11-12 1903 m. Ingeborg Marie Skjærpe, f. 25-11 1881, d. 15-9 1969 (sjå Skjærpe 34. 5.). Ingvald Obrestad var fiskar, seinare murrar. Han tok over ein part av farsgarden, bnr. 9. — Dei fekk 8 barn:

1. Jon Obrestad, fødd 17-2 1904. Han er ugift.
2. Bjørn, f. 10-12 1905, d. 20-9 1958, ugift.
3. Arne Obrestad, f. 14-8 1908, Busett i Alaska.
4. Ingeborg Marie, f. 28-5 1910.
5. Anne Bergitte, f. 18-7 1912, gift 20-8 1939 m. Peder Bjorland (Bjorl. 26. 2.).
6. Ingvald Obrestad, f. 29-7 1916. Bur på farsgarden.
7. Ivar, f. 2-10 1920, d. 20-8 1924.
8. Ivar Obrestad, f. 15-10 1925. Bur i USA.

44. Hans Obrestad, son til 37., f. 2-7 1881, d. 17-5 1956, gift 11-10 1913 med Marta Reime, f. 1-2 1885 (Reime 54. 1.). Hans tok over hovedbolet etter faren, bnr. 1. Barn:

1. Gudrun, f. 17-11 1914.
2. Olina, f. 6-2 1917, gift 24-2 1940 med Andreas Jonson Aase, f. 10-3 1917.
3. Peder Obrestad, f. 20-7 1919. Brukar farsgarden (58.).
4. Ragnhild, f. 24-9 1921, gift 23-6 1951 med Osvald Georg Skrunes, f. i Vats 4-12 1926.
5. Harald Obrestad, f. 6-8 1923, gift 16-7 1955 med Helga Amundsdr. Lindheim, f. i Gvarv 15-12 1923.
6. Tora, f. 29-5 1928, gift 29-5 1954 med Finn Hansen, f. i Ågedal 11-1 1919.

45. Torger Obrestad, bror til Hans, f. 10-8 1884, d. 10-12 1966, gift 2-12 1922 med Ingeborg Vigre, f. 30-11 1887, d. 1-3 1937 (Vigre 57. 2.). Han tok over ein part av farsgarden, bnr. 12, i 1916. — 4 barn:

1. Pål, f. 23-4 1924.
2. Lasse Obrestad, f. 18-6 1925, gift med Gjertine Oline Underdal, f. i Ulvik, Hardanger.
3. Gyro, f. 26-5 1928.
4. Oddbjørg, f. 20-8 1931, gift med Trygve Ivesdal, f. 4-3 1927, mekaniker.

46. Peder Obrestad, bror til 44. og 45., f. 28-12 1885, d. 12-10 1961, gift 19-8 1916 med Ingeborg Rebekka Reiarstr. Berge, f. i Time 21-8 1887, dotter til Reiar Larson Berge på Herigstad i Time og kona Ingeborg Gurine Rasmusdr. Herigstad. Peder tok over ein part av farsgarden, bnr. 11, i 1916. — 5 barn:

1. Guri, f. 17-8 1919.
2. Ingeborg, f. 17-8 1919.

3. Per, f. 26-4 1922 (59.).

4. Ranveig, f. 21-12 1923, gift 1949 med Rolv Emil Høllesli.
5. Reidar Obrestad, f. 8-8 1925, gift 1959 med Justi Torland, f. 9-1 1926. (Torland 85. 3.)

47. Torsten Tobias Jonson, son til 38., f. 3-8 1884, d. 26-11 1958, gift 22-8 1918 med Berta Serina Martinsdr. Time, f. 20-10 1887, dotter til Martin Knutson Time og kona Karen Reiarstr. T. T. Obrestad, som han skriv namnet sitt, tok over bnr. 4 og 5 etter faren i 1907. Dei har 6 barn:

1. Jomar, f. 1-2 1920 (60.).
2. Magne, f. 16-8 1921, gift 1949 med Ruth Nord-Varhaug (39. 11.).
3. Anna, f. 7-9 1923.
4. Toralv, f. 13-5 1926, gift 1961 med Dagny Hunsbedt.
5. Kåre, f. 6-2 1928, gift med Laila Elisabeth Fylkesnes.
6. Solveig, f. 25-9 1929, gift med Hans Hansson (Reime 74.).

48. Johan Jonson Obrestad, bror til 47., fødd 5-11 1891, død 8-8 1938. Han var ei tid i Amerika, tok seinare over ein part av farsgarden, bnr. 10, men døde ikkje lenge etter, ugift.

49. Leonhard Obrestad, son til 39., fødd 8-5 1902. Gift 22-8 1931 med Inga Nilsdotter Njærheim, fødd 28-11 1901 (sjå Njærheim 137. 3.). Leonhard Obrestad tok over bnr. 2 etter faren i 1931. Barn:

1. Lars L. Obrestad, f. 17-10 1932, gift 1-11 1958 m. Erna-Maria Haver, Ognå.
2. Nils L. Obrestad, f. 13-8 1935, gift med Haldis Sofie Haver (Sivertsdr.).
3. Bjarne L. Obrestad, f. 3-7 1938.
4. Ingvar Obrestad, f. 13-11 1939.
5. Jon Obrestad, f. 24-3 1944, gift 1968 med Ruth Engelsvoll, Klepp.
6. Ingeborg Berta Obrestad, f. 5-7 1945, gift 1968 m. Steinar Steinsland, Bryne.

50. Ole L. Obrestad, bror til 49., f. 19-11 1903. Gift 19-11 1932 med Ruby Hobberstad, fødd i Amerika 12-6 1911 (sjå Hobberstad, Varhaug). Ole Obrestad tok over ein part av farsgarden, bnr. 14., i 1951. Barn:

1. Berta Obrestad, f. 12-8 1933, gift med Sverre Lerbrek, Varhaug.
2. Lars O. Obrestad, f. 26-10 1934, gift 31-12 1956 med Berit Margot Are, f. 9-9 1933 (sjå Nærbo 200. 1.).
3. Hans O. Obrestad, f. 13-6 1936, gift 1966 med Karen Marie Løvold.

4. Oddny O. Obrestad, f. 24-11 1938, gift med Jan Horpestad.
5. Oddvar Obrestad, f. 4-5 1944.
51. **Otto R. Obrestad**, son til 40., f. 16-2 1909. Han tok over bnr. 11 etter faren i 1945.
52. **Aage Obrestad**, son til 41., fødd 14-5 1914. Gift med Magnhild Underdal, fødd i Ulvik, Hardanger, 19-9 1924, dotter til Johannes og Berta Underdal. Aage Obrestad tok over faren sitt bruk, bnr. 8, i 1940. — Barn:
Torstein Obrestad, f. 29-12 1954.
53. **Ingvald I. Obrestad**, son til 43., fødd 29-7 1916. Han tok over bnr. 9 av mora i 1950.
54. **Jon R. Obrestad**, son til 42., fødd 6-8 1908. Gift 1936 med Sofie Riise, fødd i Stavanger 7-9 1909, dotter til Hans og Regina Riise. Hans Riise var son til Sven Andresson og Ida Sofie, f. Karlsen (sjå Risa 67. 7.). Jon Obrestad tok over bnr. 6 etter faren i 1954. Barn:
1. Tor J. Obrestad, f. 12-2 1938, gift 1965 med Bjørg Borsheim, Sandnes. Etter kvart eit kjent forfattarnamn.
2. Jostein J. Obrestad, f. 13-8 1942, gift 1966 med Eldbjørg Hunstveit, Sunnfjord.
3. Astrid J. Obrestad, f. 23-9 1945.
4. Randi J. Obrestad, f. 13-11 1947.
5. Hans J. Obrestad, f. 30-1 1949.
55. **Olav O. Njærheim** (Njærheim 136. 5.), fødd 26-6 1907. Gift 16-12 1939 med Gunhild Serine Espetvedt, f. i Tonstad 23-3 1911, — dotter til Asbjørn og Ragnhild Espetvedt. Olav Njærheim kjøpte bnr. 10 av Johan Obrestad si dødsbu i 1938. — Barn:
1. Hjørdis Njærheim, f. 7-6 1940.
2. Olaf Njærheim, f. 25-7 1944.
3. Ragnhild Njærheim, f. 25-7 1944.
56. **Olav R. Obrestad**, bror til 51., fødd 3-5 1907. Gift 4-10 1936 med Sigrid Kvia, f. 2-7 1916 (sjå Skjærpe 52. 5.) Olav Obrestad tok over ein part av farsgården, bnr. 11, i 1935. — Barn:
1. Rasmus Obrestad, f. 16-8 1937, gift 17-8 1963 med Aslaug Rangen, f. 28-10 1943 (sjå Kvia 79. 2.).
2. Trygve Obrestad, f. 8-9 1939, d. 19-4 1957.
3. Jon O. Obrestad, f. 4-3 1942, gift med Ester R. Haugstad, f. 30-1 1944 (Haugstad 76. 5.).
4. Olav O. Obrestad, f. 24-3 1944.
5. Olaug Obrestad, f. 23-8 1945.
6. Solbjørg Obrestad, f. 26-2 1951.
7. Svein Obrestad, f. 13-5 1955.
57. Ludvig Nord-Varhaug (Nord-Varh., Varh. 40. 2.), f. 23-6 1906, gift 22-10 1932 med Ingeborg Obrestad, f. 22-9 1902 (40. 1.). Ludvig Nord-Varhaug har hus og grunn på Obrestad, Solbakk bnr. 17, kjøpt av verfare i 1947. Hus og grunn seinare overteke av Ragnvald R. Obrestad. Barn:
1. Leiv Jostein Nord-Varhaug, f. 9-4 1934.
2. Oddbjørg Reidunn Nord-Varhaug, f. 5-9 1935.
58. Peder H. Obrestad, son til 44., f. 20-7 1919. Tok over bnr. 1 etter faren i 1956.
59. Per P. Obrestad, son til 46., f. 26-4 1922. Tok over bnr. 11 etter faren i 1960.
60. Jomar Obrestad, son til 47., fødd 1-2 1920. Gift 8-12 1962 med Ingrid Opstad, fødd 19-12 1932 (Opstad 107. 2.). Jomar Obrestad tok over bnr. 4 og 5 etter faren i 1958.
61. Lasse T. Obrestad, son til 45., f. 18-6 1925. Gift 1950 med Gjertine Oline Steinstø, f. Underdal i Ulvik, Hardanger, syster til Magnhild Underdal (sjå 52.). Lasse Obrestad tok over bnr. 12 etter faren. Barn og stykbarn:
1. Kari Steinstø, f. 2-5 1942.
2. Oddvard Johan Steinstø, f. 29-3 1944.
3. Terje Obrestad, f. 27-1 1951.
4. Bente Obrestad, f. 26-3 1952.
5. Jan Inge Obrestad, f. 9-3 1954.
6. Liv Grete, f. 26-9 1958.
7. Ingeborg Helene, f. 23-6 1960.

G.nr. 12. Reime

Namnet meiner dei kjem av Reim og vin, altså opphaveleg Reimvin, langstrekt mark. Då reknar dei med den lange smale høgda som strekkjer seg frå Obrestad til Grødaland. Kanskje er det rett. Kven veit. Stavemåten har vore: 1567 Remme, 1610 Nordreime og Sørreime, 1668 og 1723 N. og S. Reime. Nordre Reime hadde ei korn landskuld på 3 pund i 1723. Alt var sjølveigar-gods, skift på 2 brukarar. — Skifter med Obrestad i Nord, Vigre og Ødemotland i aust, Grødaland i sør og ligg til sjøen mot vest.

NAMNEREGISTER

1. Einar på Reime i 1519
2. Aslak i 1519
3. Olluff i 1519/21
4. Berge i 1519
5. Snare i 1563
6. Torgier i 1563
7. Olluff Rasmusson
8. Omund Nilsson
9. Hans Skiljanson
10. Peder Olson
11. Omund Hansson
12. Tjøl Monsson Obrestad
13. Jakob Reime
14. Hans Omundson
15. Ola Omundson
16. Rasmus Hansson
17. Tjøl Olson
18. Ola Toreson Stokkeland
19. Halvard Toreson Opstad
20. Ola Rasmusson
21. Ola Håvardson Re
22. Gunnar Aslakson Holen
23. Tjerand Hansson Åse
24. Hans Rasmusson Reime
25. Johannes Tjelta
26. Hans Tjæranson
27. Paul Tjæranson
28. Peder Ellingson Holen
29. Elling Pederson Holen
30. Ola Simonson Holen
31. Tore Tjæranson Nærland
32. Peder Johannesson Reime
33. Tjærand Tjæranson
34. Jon Erikson Obrestad
35. Rasmus Hansson Reime
36. Tollak Olson Båden
- 36B. Jonas Olson Kydland
37. Hans Rasmusson Reime
38. Rasmus Rasmusson
39. Lars Larsson Stavnheim
40. Jonas Henrikson Vig
41. Kristian Gjermundson
42. Isak Larsson Kydland
43. Ola Olson Reimevoll
44. Ola Svenson Reimevoll
45. Erik Jonson Reime
46. Jon Jonson Reime
47. Jonas Jonson Reime
48. Rasmus Jonson Reime
49. Sven Svenson Båden
50. Tobias Torkelson Høyland
51. Nils Nilsson Njærheim
52. Hans Hansson Reime
53. Rasmus Hansson
54. Rasmus Rasmusson
55. Tønnes Rasmusson
56. Tobias Olson Storebakken
57. Mads Larsson Reime
58. Ole Johannes Ånestad
59. Nikolai Nilsson
60. Nils Nilsson
61. Håkon Reime
62. Hans Hansson
63. Peder Mikal Høyland
64. Olav T. Høyland
65. Ole-Asbjørn O. J. Reime
66. Johannes O. J. Reime
67. Jon O. J. Reime
68. Harald Harbo
69. Rasmus Rasmusson
70. Ole Reinert Rasmusson
71. Rasmus Tønnesson
72. Rasmus Nikolaison
73. Hans Nikolaison
74. Hans Hansson jr.
75. John Hæskja

REIME

Utskrift or Stavanger Lagdømes Tingbok
Nr. 3. 1664 - 1661. fol. 57.

I Iesu Naffn-Botolphi Almindelige Laug-
ting Holden paa Staffuangers Raadstuf-
fue, dend 17 Junij 1659

2: Iligemaader frembkomb Tarild Oelsen
Husuegi Som haffr I Rette Steffnt Soe-
renschriffueren Raszmus Suendszen med
hans med-brødre Sex mend, for en derris
Wdstedde domb daterid Quie Schibbrede
paa Rieme holden den 23. Nouember 1657
med en worris Gunstige Lensherris Steff-
ning, daterid Staffuanger Kongsgaard
den 16. Majj Sidst forleden, Anlangende
3 Wetters Korn Landsschyld I Reime som
hans Wermoder Marren Errichsdatter for
hannem haffr Opiat. Diszligeste I Rette
Steffnt Hans och Peder Oelszen Reime,
Som samme Domb forhuerffuit haffr.
Sammeledis Joen Christens som til dom-
men haffr verit Steffnt med hans wrange
Bøxszell ' Zeddells forhuerffuelsze paa
samme Ombtuistede 3 Wetter Korn, Sam-
melledis hans Wermoder Marren Errich-
datter, som samme 3 Wetter bezider, at
møde hindis nød i forberørte maader at
Thilstaa, Huilchen Steffning for Retten
findis lest och paaschreffuen.

Huor Imod at Suare frembkomb Hans
Henrichszøn, Raszmus Suendszens Fuld-
megtig, och fremlagde hans schriftlig
Indleg, daterid Østeraad dend 10. Junij
sidst forleden, Som for Retten er læst
och paaschreffuen. Sammeledis frem-
komb Tarild Oelszens Wermoder Mar-
ren Errichsdatter som fremlagde hindis
schriftlige Indleg, Som for Retten Er lest
och paaschreffuen.

Tarild Oelszen fremlagde en Zedell date-
rid Remme dend 25. Martij Anno 1659
Som bleff lest och paaschreffuen. Ilige-
maader fremlagde hand Søffren Ienszen,
Borge-mester I Bergen, och Ombudsmand
offr samme goeds, hans Wdstedde Bøxell
Zedell aff Tarild Oelszøn forhuerffuet,
daterid Bergen dend 4. Nouembr 1657 paa
Samme Ombtuistede 3 Wetter Korn
Landschyld at schulle nyde sin liffstiid
som for Retten er lest och paaschreffuen.
Peder Oelszøn Remme fremlagde sin
Contra Steffning, daterid Staffuanger
Kongsgrd. dend 26 Majj sidst forleden
Som for Retten er lest och paaschreffuen.
Och fremlagde Peder Oelszen sin for-
huerffuede bøxell Zedell aff Sl. Falch
Ienszen da Ombudsmand offr bem.te.
Goeds Wdgiffuit, Som hand nu bezidder,
daterid Staffuanger Kongsgaard den 19
Octobr. 1658. Som for Retten er lest och
paaschreffuen. Parterne bleff Thilspurt

omb dj haffde widere breffue I denne
Sag at fremlegge, Huortill dj Suarede
Neij.

Da Effterdj udj denne Sag falder Ad-
schillige Difficulteter, Huorfor ieg Erag-
ter Sagen effter Recessens Thilladelse at
Optage till I dag — 6 Wgger, da Parterne
Igien for Retten at Comparere.

Fol. 58 b.

2: Belangende dend Jndsteffnte Sags Be-
schaffenhed, Imellem Tarild Oelszøn och
Peder Rieme:

Da Efftersomb Tarrild Oelszen, Reside-
rendis paa Huusueig, Nu till Botolphi
Laugting Sidstforleden Dend 17. Junij
Haffuer Ladit I Rette Steffne Raszmus
Suendszen, Sorenschriffuer och hans
meddombsmend for en hans Wdstedde
domme, Daterid paa Quie Almindelige
Schibbredsting, holdendis paa Rieme
dend 23. Nouembr 1657 I forskinnit Aar,
Anlangendis 3 Wetters Korn I Reime
Som hand formeener effter hans Bøxsells-
Zedell at Werre berettiget Thilltræde och
bruge. Och Peder Olluffszen der Imod
formener Sig effter hans Thillforn louglig
forhuerffuit Bøxell Zedell daterid Staf-
fuanger dend 11 Aprilj 1655 Wdsted Aff
Welfornehme Mand Falch Ienszen da
Kongl. May.tts. Fougidt offr Jædderens
och Dalleme och Ombudsmandis Fuld-
megtig offr Semb och Sanduigs goedtz,
hannem Thillholder først at bruge de 3
Wetter Korn I forne Reme Som hans Sl.
fader fader Olluff Rieme før goeduilligen
haffr Opladit, Och de Andre 3 Wetter
effter hans død derpaa at schulle lange
louglig och Thilbørlig bøxszell Sedell.
Mens effter som Joen Christenszen, Som
er Enkens Mareie Errichsdatters datter
Søn, da først schall haffue forhuerffuet,
Welfornehme Mand Søffren Ienszen, Bor-
gemester udj Bergen, hans Wdstedde
bøxszell Zedell paa forne 3 Wetter Korn
I Rieme, Som bem.te Peder Ollufszøn I
hans første bøxell Sedell er Thilsagt for
nogen anden effter hans Sl. fader faders
død at schulle nyde, Och samme Joen
Christenszøns bøxszell Zedell ey da kunde
hannem gelinge, de 3 Wetter I forne
Rieme at kunde louglig bruge och behol-
de, haffuer hand derfor atter Igien Anden
gang opiat Samme 3 Wetter Korn I Rieme
for hans Suoger Tarild Oelszen, som
haffuer bemeldte Marrie Errichsdatters
datter til Egte. Huorpaa hand ogsaa haffr
forhuerffuit hannem forbnte. Welfor-
nehme Mand Søffren Ienszen, Borgemes-
ter I Bergen, hans Bøxszell Sedell Daterid
Bergen dend 4 Nouembr 1657.

Da effterszom I denne Sags Beschaffen-
hed och effter Ducomenternis Indhold,
faldt vitløfftig, Er derfor Sagen effter
Recessens Thilladelse Optagit I 6 Wggwe,
Thill I dag som er den 29. Julij. Da Par-
terne Sig Igien for Retten haffuer ind-
stillit Och Endelig Werrit Domb Begier-
rendis.

Da effter Tiltalle, Giensuar och denne
Sags Rette Offuer-Weyellszis beschaffen-
hed, Er nu Saalledis for Retten Korteligen
dømbt och Affsagt: Effterszom Peder
Oelszen Rieme forhuerffuit En loughlig
Bøxell Sedell Som før er meldt, at hand
de Andre 3 Wetter Korn, Huorpaa Tarild
Oelszen nu Protesterer hannem I samme
hans Bøxell Sedell effter hans Sl. fader
fadens død for nogen anden at Verre
Thilsagt, Och da først haffuer Joen
Christenszøn och siden Tarrild Oelszen
effter huerandre forhuerffuit tuende
bøxell Seddler Som strider Thuert I mod
Recessens Klare Bogstaffer, Och heldst
effterdj det befindis at Tarild Oelszen
Som Sig paa de 3 Wetter I Reime vill
Indtrente Sielffr. haffuer til beszidelse
En fuld mands Verch och brug i dend
Gaard Husuig, Huor med hand sig sin
Hustrue och Børn well kand Ernere, Och
aff Arrilds tid haffr ichon Rieme Werrit
tuende Mends brug. Mens Effterszom Ta-
rild Oelszen nu her for Retten haffr.
THhilbødit Peder Olluffszen Rieme thill
Opladelse for de første 3 Wetter Som
hans bøxsell ombformelder, It Hundrede
och Thiuffue Rix.dlr. Och sig dertill ey
Ville lade bequemme eller nogen forligelse
Ville Indgaae. Huorforre leg her med
Thilfinder offtebemte. Peder Olluffszen
At hand Samme Ombtuistede 3 Wetter,
som hans loughlig bøxsell ombformelder,
effter Enchens død bør at nyde, bruge
och beholde, hans lifftid, och fri at
verre for Offtbemte. Tarild Olluffszens
Thilltalle. Och schall forne. Peder Oelszen
Werre tilforpligt Inden Thrende Maane-
ders forløb, effter denne min Wdstedde
Dombs dato, Efftr Soerenschriffuerens
och 6 dannemends Sigelsze, At fornøye
dend Effterlatte Enche paa Rieme, Naffn-
lig Marj Errichsdatter, Alt huis Som
hand hinde Thilforn beloffuit haffuer,
Och sig Imod hinde Aldtid her effter
Thilbørligen att forholde, med goed for-
sinnlig Ophold, Saa at hun hindis liffs
tid schall bruge och beholde de 3 Wetter
Korn Som Ombtuistis, Uden nogen paa-
klagelsze I Allemaader, Aid dend Stund
hun Som En Enche Effter Reccessen der-
paa Gaarden W-forkrenchet bør at nye
hindis Aaszede . . .” Etter rett avskrift

I Statsarkivkontoret i Stavanger. 23-11
1950 ved Harald Aurenes.

Tarald Olson, som her er nemnd, er den
same som er nemnd på Bø under nr. 24.
Som det går fram der vart han drepen
på ei tingsamling på Stavmeim i Var-
haug den 21-2 1665, og som det går fram
av denne rettsaka hadde han freista å
venda til seg bykselen på 3 vetter = 18
sp. i Reime som vermor hans, Maren
Eriksdotter (enkja etter Ola Rasmsson
Reime) hadde brukt.

1. **Einar** er nemnd på Reime i 1519.

2. Aslak nemnd i 1519.

3. **Olluff** nemnd i 1519 og 1521.

4. Berge nemnd i 1519.

2 av disse har truleg butt på Reime og
2 på Sør Reime.

5. **Snare** nemnd i 1563.

6. **Torgier** nemnd på Reime i 1563.

7. **Olluff Rasmussen** var truleg han som
er nemnd i 1591. Han er og nemnd 1602/
03/13 og saman med mor si i 1626, då
han åtte 4 sp. i Frøyland i Time og 4 sp.
i Hobberstad. Han gav y2 pund leidang
I 1624. Han var son til Rasmus Olson på
Obrestad og kona Anna Gjermundsdr.
(Obrestad 5. 1.). Olluff må ha vore gift
2 gonger, men me kjenner ikkje til den
første kona. Den andre var Maren Eriks-
dr., enkja etter Lars Ellingson Torland
(Torland 11.). Me veit om 2 barn:

1. Ola Olson Hobberstad, gift med Sissel
Olsdr. (Hobberstad 22.).

2. Rasmus Olson (Hobberstad 24.)

Olluff Reime var lensmann i Kvie skip-
reida i 1622/34.

8. **Omund (Nilsson?) Reime** var død før
1635, men er nemnd i 1602 til 1626, då
han gav y2 pund korn leidang. Han hadde
truleg vore gift 2 gonger, men me veit
ikkje namn på nokon av konene. Me trur
at ein son i første gifte var:

1. Niell Omundson Skei i Høyland, f.
1599, gift med Berit Rasmusdr. Skei.

Av andre gifte veit me om 9 kring

2. Jon Omundson Tjessem, fødd kring
1600, gift med Gunheid Eriksdr.

3. Ivar Omundson Vigre, f. 1614 (sjå
Vigre 13.).

4. Peder Omundson Skretting, f. 1623,
gift 1) med enkja Torborg Ellingsdr.

- Skretting, gift 2) m. Torborg Olsdr. (sjå Skretting i Varhaug 15.).
5. Marit Omundsdtr., gift med Ola Rasmusson Voll (Voll, Varhaug 11.).
 6. Berit Omundsdtr., gift 1) med Torkel Madland, gift 2) med Ola Pederson Madland, gift 3) med Tolleiv Svenson Madland (sjå Madland, Varhaug 6., 7., 8. og 9.).
 7. Berit Omundsdtr. d. y. var gift på Næsheim.
 8. Anna Omundsdtr. gift på Myklebust i Høyland.
 9. Marit Omundsdtr. d. y., gift med Sigvard Asbjørnson Motland (sjå Motland 8. 1.).
 10. Magdalena Omundsdtr., gift med Rasmus Rasmusson Voll i Varhaug (sjå der 10.).

Det er godt truleg at Omund Reime hadde vore lensmann, men det har eg ikkje funne noko prov for.

9. Hans Skiljanson Reime var lensmann etter Knut Gudmestad i 1642 til 1660. Han var fødd kring 1600 og levde i 1665. Gift med enkja etter Omund Reime (8.). Det er uvisst kvar han var frå. Kanskje frå Slettabø i Bjerkeim? Ein son: Omund Hansson Reime, f. 1635 (11.).

10. Peder Olson Reime var sone son til nr. 7, og son til Ola Olson Hobberstad (sjå der 22. 2.). Han var fødd kring 1625, død 1676, skifte 15-3 det året. Det var han som låg i strid med Tarald Olson Husveg om dei 3 vetter korn i Reime i 1659. Peder Olson var gift med Maren Larsdotter Torland (Torland 13. 9.). Ho døde i 1676, skifte 15-3. Ho var bror-dotter til Tarald Plusveg si kona som og heitte Maren Larsdotter, og sonedatter til enkja Maren Eriksdtr. (nr. 7.) som var mor til Maren Husveg, og som brukte dei omstridde 3 vett i Reime. Peder Olson hadde 4 barn:

1. Ola Pederson, f. 1658 (Sør Varh. 34.).
2. Ola Pederson d. y. levde i 1676, men død før 1709.
3. Laurits Pederson.
4. Sissel Pedersdtr.

11. Omund Hansson Reime, son til 9., var fødd kring 1635, død 1693. Gift med Berit Nilsdatter Skei, som der var skifte etter 27-4 1707, truleg sone-dotter til nr. 8. Etter Omund vart ho gift med enkjemannen Tjøl Monsson Obrestad. Omund Hansson brukte IV₂ pund etter faren. Han hadde 8 barn:

1. Hans Omundson Reime, f. 1660 (14.).

2. Nils Omundson Sør Reime, fødd 1665 (S. Reime 12.).
3. Ola Omundson Reime, f. 1684 (15.).
4. Anna Omundsdtr., gift 1) med Erik Olson Nærland, gift 2) med Isak Isakson Nærland (Nærland 14. og 17.).
5. Berit Omundsdtr., gift med Lars Hansson Hårr (sjå Hårr 21 og Obrestad 16.).
6. Eli Omundsdtr., gift med enkjemann Sven R. Husveg, Varhaug.
7. Malena Omundsdtr., f. 1670, gift med Jon Tjærandson Vestly (sjå Grødaland 10. 3.).
8. Kirsten Omundsdtr., gift 1) med Rasmus Husveg, gift 2) med Klaus Husveg (sjå Husveg 16. og 20.).

12. Tjøl Monsson Obrestad (sjå Obrestad 12.). Han gifta seg som enkjemann med enkja etter Omund Hansson, Berit Nilsdtr. og tok då over dei 3 vett som Peder Olson hadde brukt.

13. Jakob Olson Reime var gift med Magla Olsdr. som der var skifte etter 12-6 1695. Eg veit ikkje kven dei var, men dei må ha brukt dei 3 vett før Tjøl Monsson? Ein son er nemnd:

Ole Jakobson, f. 1688 (sjå Stavnheim, Varhaug 17.). (Tingbok 53, side 131, 1697.)

14. Hans Omundson, son til 11., f. kring 1660, skifte 27-9 1718, gift med Anna Isaksdtr. Nærland, enkja etter Rasmus Toreson Årsland i Varhaug (sjå Nærland 8. 6.). Der var skifte etter henne 7-6 1719. Hans Omundson budde på Årsland til faren var død, sidan brukte han 18 sp. 1 Reime. Han åtte 10 sp. i Steinsland i Time i 1723, som Ljøde Olson då brukte. Han fekk 2 søner:

1. Rasmus Hansson Reime, f. 1689 (16.).
2. Omund Hansson, fødd 1691, gift med Engel Bårdsdtr. Budde i Stavanger i 1719.

15. Ola Omundson Reime, bror til Hans, var fødd kring 1684, død 1732, gift 1) med dotter til stykfaren, Margreta Tjølstdtr. Obrestad, som der var skifte etter 14-2 1714 (Obrestad 12. 4.), gift 2) med Jannikke Jensdtr, skifte 14-1 1729, dotter til Jens Klausson Sirevåg og kona Sebilla Kristensdtr., gift 3) 4-6 1730 med Berit Torstensdtr. Grødaland (Grødaland 11. 2.). Ho vart seinare gift med enkjemann Jon Ellingson Njølstad. Ola tok over dei 18 sp. etter Tjøl Monsson i 1709. Han fekk 3 barn i første gifte, 4 i andre og 2 i tredje:

1. Berit Olsdtr., f. 1709, d. 1733, ugift.
 2. Tjøl Olson Reime (17.).
 3. Omund Olson, f. 1714, d. 1737.
 4. Jens Olson, f. 1723, gift med Marta Sisillie Torstensdtr. Harbo. Han var skipper, død 7-11 1797.
 5. Margreta Olsdtr., f. 1718, var gift og budde i Bergen i 1743.
 6. Birgitte Sibilla, f. 1725, tente i Bergen i 1743.
 7. Birgitte Olsdtr., f. 1727, død i Eigersund 1778. Ho var då hushaldar hjå skipper Morten Larsen i Eigersund.
 8. Torsten Olson, f. 1731.
 9. Anna Olsdtr. var død før 1743. (Tingbok II side 256, 263, 273.)
16. Rasmus Hansson, var son til nr. 14. Han var fødd kring 1689, død 1736, gift med Elisabet Olsdotter Tjelta, fødd kring 1700, død 1766, skifte 12-8 det året. Ho var dotter til Ola Rasmusson Tjelta i Håland og kona Ingeborg Svensdtr. frå Kolnes. — Rasmus Hansson brukte 1½ pund i 1723/1733. Det var 11 spand som han åtte, 2 spand barnegods og 23 spand åtte oppsitjaren sine fostersyskend. (?) Rasmus Hansson hadde 4 barn:
1. Hans Rasmusson Reime (24.).
 2. Anna Rasmusdtr., f. 1733, gift med Ola Håvarson Re, Salte.
 3. Ola Rasmusson Høyland, fødd 1730 (Høyland 39.).
 4. Rasmus Rasmusson, f. 1736, død før 1766, gift. (Tingbok III side 147, 156, Tingbok IV side 8, 171.)
17. Tjøl Olson Reime, son til 15., var f. kring 1711, død 1742, skifte 12-12 det året. Han var gift med syskenbarnet sitt, Herborg Jonsdotter Vestly, f. kring 1700 (sjå 11. 7.). Etter Tjøl vart ho gift med Halvard Toreson Opstad. Tjøl tok over faren sine 18 spand. Han hadde 2 barn:
1. Ola Tjølson, f. 1735, død før 1758.
 2. Margreta Tjølsondtr., f. 1740, gift med Tjærland Hanson (23.).
18. Ola Toreson Stokkeland var son til Tore Villumson Stokkeland i Ognå og kona Marit Salvesdtr. Han var f. kring 1708, og døde i 1748, skifte etter han 17-1 1749. Gift med enkja etter Rasmus Hansson, Elisabet Olsdotter. Ola Toreson brukte dei 18 sp. etter Rasmus Hansson. Dei fekk 6 barn:
1. Marta Olsdtr., f. 1734, død på Reime 20-8 1815, ugift.
 2. Rasmus Olson Nærland, f. 1737 (sjå Nærland 22.).
3. Ingeborg Olsdtr., f. 1741, gift med Ola Jonson Bjorheim (sjå Bjorheim, Varhaug 11.).
 4. Kirsti Olsdtr., f. 1743, var ugift i 1777.
 5. Tore Olson, f. 1745, d. 1777, ugift.
 6. Torsten Olson, død på reis til Ostindia 1773. Det var halde skifte etter han 16-6 det året.
19. Halvard Toreson Opstad (sjå Opstad 28. 3.), var fødd kring 1721, død 1767, skifte 28-3 det året. Han var gift med enkja etter Tjøl Olson, Herborg Jonsdtr. Dei fekk ikkje barn. Halvard kjøpte dei 18 sp. av Ola Omundson sine arvingar i 1753. I 1766 skreiv dei frå seg bruket, 33 spand til Margreta Tjølsondtr. mot livs-oppsett.
20. Ola Rasmusson Reime, son til 16., f. 1730, byksla 18 sp. i Reime av broren Hans, og Lars Jonson Obrestad i 1759. Eg veit ikkje kor lenge han brukte det, men i 1771 vart han gift med enkja Herborg Torsdtr. på Høyland (sjå der 39.),
21. Ola Håvardson Re var son til Håvard Olson Re og kona Marit Olsdtr. Han var fødd på Njå i Time 1737, gift med Anna Rasmusdtr. Reime (16. 2.), fødd kring 1733. Eg trur at Ola Håvardson brukte Reime ei tid, kanskje etter Ole Rasmsson, for i 1766 heitte han Ola Håvardson Reime og kjøpte då 10 sp. i Store Salte av Torkel Torkelson Salte som hadde kjøpt same av Tjøl Obrestad i 1759. Same året, 1766, byksla han 4 spand i Store Salte av presten Zimmermann i Håland.
22. Gunnar Aslakson Rudleholen var husmann under Reime i 1758. Han var då 60 år, døde på Kydland i Varhaug 28-2 1792, 101 år gamal. Kona heitte Malena Endresdtr., fødd kring 1704. Det er uvisst kvar dei var frå. Rudleholen var det som nå er kalla Båden. Dei hadde ein son som var heime i 1758. Ei Marta Aslaksdtr. døde i Båden som fattiglem 4-11 1796, 102 år gamal. Ho måtte vore Gunnar si syster. Eg veit om 3 av Gunnar Aslakson sine barn:
1. Ingeborg Gunnarsdtr., f. 1736, gift 1) med Peder Ellingson (28.), gift 2) m. Erik Halvardson Røderullen (Kvia 26.).
 2. Endre Gunnarson Kydland, f. 1741, gift med Guri Ellingsdtr. Voll. Budde på Kydland i Varhaug (sjå der 20.).
 3. Aslak Gunnarson, f. kring 1742, tente hjå Halvard Toreson Reime i 1758.

23. **Tjærand Hansson Åse** var son til Hans Klausson Åse i Klepp og kona Inger Tjærandstr. frå Haugland i Time. Han var fødd kring 1727, skifte 18-11 1809. gift med Margreta Tjøsdr. Reime (17. 2.), fødd kring 1740, død 9-9 1814. — Margreta fekk skjøte på 33 sp. i Reime av mora og stykfare i 1766. Tjærand Hansson kjøpte $3\frac{1}{4}$ sp. av medarvingane hans, Lars og Jon Obrestad, som Halvard Toreson hadde brukt, for 9 rdl. og 3 ort i 1767. Dei fekk 7 barn:

1. Inger Tjærandstr., f. 1769, gift 1802 med enkjemann Erik Gitleson Årslund i Varhaug (sjå der 25.).
2. Hans Tjærandson Reime, f. 1772 (26.).
3. Tjøl Tjærandson, f. 1774, d. på Reime 3-11 1840, ugift.
4. Paul Tjærandson, f. 1775 (27.).
5. Herborg Tjærandstr., f. 1779, gift 1) med Peder Hansson Obrestad, gift 2) m. Johannes Svenson Obrestad (Obrestad 25. og 31.).
6. Tjærand Tjærandson Reime, f. 1783 (33.).
7. Margreta Tjærandstr., f. 1786, gift med Jon Erikson (34.).

24. Hans Rasmusson, son til 16., f. kring 1726, skifte 15-10 1778, gift med Berta Pedersdr. Bø, fødd kring 1746, død 2-10 1788 (Bø 52. 1.). Hans tok over iy2 pund i 1766 som truleg Ola Håvardson hadde brukt. Han åtte sjølv alt i 1778. — Dei fekk 4 barn:

1. Rasmus Hansson Reime, f. 1767 (35.).
2. Peder Hansson, f. 1769, d. 1779.
3. Hans Hansson, f. 1774, d. 13-3 1809, ugift. Han hadde vore trulova med Ragnhild Ivarsdr. Vigre, men trulovinga vart gjord om inkje.
4. Rasmus Hansson Bø, f. 1776 (Bø 66.).

25. **Johannes Johannesson Tjelta** var son til Johannes Johannesson Tjelta i Håland og kona Kirsten Olsdr. — Denne Kirsten Olsdr. var syster til Elisabet Olsdr. som hadde vore gift med nr. 16 og 18. Johannes var såleis syskenbarn til Hans Rasmusson. Han var fødd kring 1745, gift med enkja etter Hans Rasmusson, Berta Pedersdr. Han brukte dei iy2 pund som Hans Rasmusson hadde hatt frå 1778 og budde framleis på Reime i 1801. Seinare må han vera borttreist, då han ikkje finst gravlagd i Haa, utan kanskje han døde i 1825. — Han fekk 2 barn:

1. Peder Johannesson, f. 1780 (32.).
2. Anna Kirstina Johannessdr., f. 1786, d. 31-3 1787.

Johannes kjøpte $1\frac{1}{4}$ i Haavåg Laksefiske av Rosenkilde i 1785. Han åtte dei iy2 pund til 1789, då Rasmus Hansson står som eigar av 18 sp. og Johannes av 18 sp.

26. **Hans Tjærandson**, son til 23., fødd kring 1772, død 18-4 1845, ugift. Han kjøpte 18 sp. av faren i 1794 for 90 rdl., som han selde til Peder Hansson Obrestad i 1812 for 350 rdl. + y2 følge til mora, Margreta Tjøsdr. I 1817 kjøpte han att dei 18 sp. for 45 spd.

27. **Paul Tjærandson**, bror til Hans, var fødd kring 1774. Han kjøpte dei andre 18 sp. av faren i 1794 for 90 rdl. + y2 følge til mora. I 1831 byksla han 13y2 sp. til Jon Erikson og selde til han i 1839 for 150 spd. I 1820 gifta han seg med Berta Jensdr. Grødalaland og flutte til (Grødalaland 17.).

28. **Peder Ellingson Rudleholen (Båden)** var frå Bjorhaug (sjå der 4. 1.). Han var fødd kring 1729, død før 1776. Gift med Ingeborg Gunnarsdotter (22. 1.), fødd kring 1736, død på Røderullen (Kvia) i 1801, der ho nok hadde vore gift 2) med husmannen Erik Halvardson. Ho er oppførd på Rudleholen som enkje i 1801, 66 år gamal. Dei hadde 4 eller 5 barn:

1. Elling Pederson Rudleholen, f. 1762 (29.).
2. Gunnar Pederson, f. kring 1763, tente på Bø i 1801.
3. Peder Pederson, f. 1769 (sjå Djøseland, Varhaug 25.).
4. Hans Pederson.
(5.?) (Isak?) Aslak Pederson, f. 1773, gift i Stavanger 1795 med Berta Gurie Hansdr. Stokka. Budde i Stavanger.

29. **Elling Pederson Rudleholen**, son til 28., fødd kring 1762, død på Reimevollen 22-9 1821, gift 1794 med Berta Olsdotter Sør-Varhaug, fødd kring 1774 (S. Varh. 50. 6.). Der var skifte etter Elling Pederson 24-3 1824. Enkja saksøkte Ola Torkelson Næsheim for 6 dalar han var skuldig til dødsbua. Ola nekta å vera skuldig, men vart funnen skuldig og vart dømd å betala dei 6 dalane med renta og 2 dalar i sakskostnad. Dei hadde 5 barn:

1. Peder Ellingson, f. 1794, d. same året.
2. Elen Marta Ellingsdr., f. 1794, død same året.
3. Elen Ellingsdr., f. 1796, d. 1799.
4. Elen Ellingsdr., f. 1799, gift 1824 m. skomakar Simon Rasmsson Hegrenes frå Bergen.

5. Ingeborg Marie Ellingsdtr., f. 1802. (Ein Gunnar Pederson Bø var fadder 2 gonger hjå Elling Pederson, 1794 og 1802. Truleg har han vore broren som tente hjå Jon Tjølsen Bø.)

30. **Ola Simonson Rudleholen** var son til Simon Ellingson Eikeland i Time og kona Barbro Guttormsdtr. Han var fødd i Time i 1754, død på Ueland i Varhaug 18-11 1841, gift med Elen Børrilddtr., truleg dotter til Børrild Pederson Hofland i Helleland og kona Marit Svensdtr. Ho var då fødd i Helleland 12-6 1746, død på Instigbakken i Varhaug 17-4 1831, 88 år. Elen tente hjå Tollak Torstenson Mid-Salte i Klepp i 1758, og dei vart truleg vigde i Klepp. Dei budde på Orstad i Klepp i 1782 og var komne til Rudleholen før 1787. I 1801 finn me dei på Holen i Time (sjå Næsheim 70.). Sidan kom dei til Instigbakken under Ueland (Ueland 45.) i Varhaug. Me veit om 4 barn:

1. Simon, f. på Orstad og døypt i Time langfredag 1782.
2. Marta, f. 1784, gift 23-3 1815 med Lars Gregoriusson Odland i Varhaug (sjå Ueland 49.).
3. Bernt, f. på Rudleholen 11-3 1787, d. 16-3 1791.
4. Barbro, f. 8-11 1789, gift 7-4 1814 med Sven Olson Skretting i Varhaug (sjå der 58.).

31. **Tore Tjærandsen Nærland** (sjå Nærland 19. 5.) var f. 1756, d. på Rimestad 6-8 1836, gift 24-10 1792 med Anna Tjølsdtr. Kydland, fødd kring 1765, død 27-7 1829, dotter til Tjøl Jonson Kydland i Varhaug og kona Kirsten Ellingsdotter (Kydland 19. 1.). — Tore hadde butt ei stund på Høyland. I 1828 flutte han til Rimestad (sjå der 40.) og Tollak Olson Rimestad kom til Rudleholen. — Tore Tjærandsen hadde 4 barn:

1. Guri, f. på Kydland 2-3 1794, død på Høyland 23-3 1799.
2. Tjærand Toreson Rimestad, fødd på Høyland 11-11 1798 (sjå Rimestad 47.).
3. Tønnes Toreson Lode, fødd 20-9 1801 (Lode 53.).
4. Gabriel Toreson Rimestad, fødd 15-11 1806 (Rimestad 48.).

32. **Peder Johannesson Reime**, son til 25., fødd 1780. Han byksla 18 spand av halvbroren, Rasmus Hansson, i 1800 og kjøpte faren sin part i Haavåg Laksefiske i 1810 for 200 riksdalar. I 1814 byksla han 9 spand av Rasmus Hansson. Den 26-11 1818 vart han gift i Hålandskyrkja med

enkja etter Jon Ingebretson Gimra, Ragnhild Andersdotter, fødd kring 1774. Dei budde sidan på Gimra.

33. **Tjærand Tjærandsen Reime**, son til 23., var fødd kring 1783, død 15-3 1830, gift 4-10 1818 med Elen Malena Mikkelsdotter Madland, fødd på Hetland i Oagna i 1789, død 24-3 1864 (sjå Madland, Varh. 16. 1.). Tjærand brukte 9 spand som han truleg hadde arva etter faren, eller kanskje løyst inn av verbroren, Jon Erikson, eller av broren Hans i 1820. Då han var død gifta enkja seg med Jonas Olson Kydland. Tjærand og Elen Malena hadde 3 barn:

1. Margreta Tjærandsdtr., f. 23-7 1819, gift med Lars Larsson (39.).
2. Kirsten Malena Tjærandsdtr., f. 5-8 1824, gift med Jonas Henrikson (40., og Sør Reime 26.).
3. Tabitta Tjærandsdtr., f. 7-1 1828, d. 3-1 1837.

34. **Jon Erikson Obrestad** (sjå Obrestad 23. 4.), var fødd 19-10 1789, død 8-2 1863, gift 1) 1-4 1819 med Margreta Tjærandsdotter Reime (23. 7.), fødd 1786, død 26-6 1830, gift 2) 24-11 1831 med Berta Jonsdotter Bø, fødd 27-11 1811, død 8-10 1858 (sjå Bø 67. 6.). Jon Erikson kjøpte 13V2 spand i Reime av Paul og Hans Tjærandsøner i 1820 for 47 spesidalar og 30 skilling, og i 1831 byksla han andre 13 $\frac{1}{2}$ sp. av Paul Tjærandsen, som han kjøpte av han i 1839 for 150 spesidalar. Han hadde 4 barn i første gifte og 6 i andre:

1. Margreta, f. 1-1 1820, gift 16-11 1848 med Peder Eliasson Djøseland i Varhaug (sjå der 35.).
2. Erik Jonson Reime, f. 19-2 1823 (45.).
3. Herborg, f. 5-6 1826, gift 17-11 1866 med enkjem. Erik Rasmusson. Hobberstad i Varhaug (sjå der 45.).
4. Tjærand, f. 24-4 1830, d. 10-5 s. å.
5. Jon Jonson Reime, f. 17-10 1832 (46.).
6. Jonas Jonson Reime, f. 4-7 1833 (47.).
7. Marta, f. 18-4 1839, d. 6-6 1840.
8. Hans Mikal, f. 19-12 1840, d. 22-6 1867, ugift.
9. Rasmus Jonson Reime, f. 25-8 1843 (48.).
10. Tønnes Jonson, f. 4-9 1848, d. 22-6 1871, ugift.

35. **Rasmus Hansson Reime**, son til 24., f. 1767, d. 10-1 1850, gift 6-12 1812 med Kirsten Olsdtr. Voll, f. 1780, d. 22-2 1855, dotter til Ola Gunnarson Voll i Varhaug og kona Elen Knutsdtr (sjå Voll 53. 1.). Ved skifte etter mora i 1789 vart 1V2

pund i Reime skift mellom enkjemannen Johannes Johannesson og dei 3 sønene ho hadde med Hans Rasmusson: Rasmus, Hans og Rasmus. I 1795 løyste Rasmus ut dei 18 sp. av dei andre brørne, og i 1801 brukte han og stykfaren 18 sp. kvar. Sidan må Rasmus ha løyst inn dei andre 18 sp. og, for han byksla 18 sp. til halvbroren, Peder Johannesson. Han hadde 5 barn:

1. Hans Rasmusson Reime, f. 13-2 1814 (37.).
2. Rasmus Rasmusson Reime, f. 13-3 1817 (38.)
3. Berta Rasmusdtr., f. 27-4 1820, gift 1840 med garvar Peder Mikalson i Stavanger.
4. Ole Johannes, f. 4-5 1823, gift med Oline Regine Reinertsen. Budde i Austad, Lyngdal. Snekker.
5. Elias, f. 29-3 1827. Budde på Skarstad i Austad, Lyngdal.

36. Tollak Olson Båden (sjå Rimestad 28. 3.). Han var fødd i 1802, død 22-4 1881. Gift 8-11 1827 med Ranveig Larsdotter Nord-Halleland i Varhaug (sjå der 20. 4.), fødd 17-3 1807. — Tollak byksla Båden (Rudleholen) av dei Reime i 1828 etter Tore Tjærandsen. Han døde på Bøbakane som fattiglem. Det er uvisst kvar og når Ranveig døde. Dei hadde 9 barn:

1. Ola Tollakson, f. 1829. Han budde på Tasta i 1887, ugift.
2. Lars Tollakson, f. 1-4 1831, gift i Hetland 18-10 1863 med Maria Jonasdtr. Rygg. Lars hadde ein son: Lars Johan Larsen, f. 21-5 1855, gift i Klepp 4-5 1881 med Karen Olina Abrahamsdtr. Tjøtta. Dei budde ei tid på "Vinsamyro" (av Skretting). Dei skilde lag, og Lars budde i mange år i leigt rom på Varhaug, seinare i eiga hytte. Han dreiv med fiskehandel på stasjonen. Mange eldre vil endå med glede hugsa han "Vinsa-Lars" som var noko av ein original.
3. Abraham Tollakson, f. 1-11 1833.
4. Taletta Tollaksdtr., f. 16-3 1835, gift 11-3 1861 med Peder Eivindson Håland i Varhaug (sjå der 50. 4.).
5. Rasmus Tollakson, f. 13-5 1838, død same året.
6. Anna Sofia Tollaksdtr., f. 23-6 1839, gift med Tobias Gabrielson Håland i Varhaug (sjå der 64. 1.).
7. Rasmus Tollakson, f. 26-3 1843, d. 27-9 1847.
8. Sivert Tollakson, f. 24-12 1846, gift med Anna Martine Pedersdtr., fødd i Spangereid 1843. Han var skomakar

på Sandnes. Deira son var urmakar Sivertsen, Sandnes.

9. Berner Johannes Tollakson, fødd 10-2 1850.

(Tollak Olson hadde dessutan ein son: Jonas Tollakson, f. 16-1 1871.)

36B. Jonas Olson Kydland (sjå Kydland, Varhaug 23. 3.), fødd 1802, død 12-1 1892, gift 4-10 1831 med enkja etter Tjærand Tjærandsen (33.), Elen Malena Mikkelsdotter, død 24-3 1864. Dei fekk ei dotter: Johanna Jonasdtr., f. 4-8 1832, gift 27-6 1860 med Gabriel Hansson (sjå Vigre 55.).

37. Hans Rasmusson Reime, son til 35., f. 13-2 1814, d. 20-5 1891, gift (1841?) med Rakel Gurine Svensdtr. Garborg, f. 11-10 1820, d. 23-2 1886, dotter til Sven Svenson Garborg i Time og kona Ranveig Simonsdtr. frå Mæland i Varhaug. Hans kjøpte 18 sp. av faren i 1835 for 200 spd. Hans var bokbindar, og der finst ennå bøker i bygda som han har bunde. Han var ellers ein mann med konservative meiningar både religiøst og politisk. Såleis kan nemnast at han skreiv seg ut or kyrkja då dei førde inn Landstad si salmebok. Dei fekk 10 barn:

1. Berta Kirstina, f. 7-11 1842, gift 5-5 1863 med Tolleiv Jonson Kvia (Kvia 47.).
2. Rasmus Hansson Reime, f. 10-10 1844 (53.).
3. Sven Hansson, f. 18-4 1847, gift 16-11 1871 med Olina Olsdtr. Tjemsland. Budde på Stokkeland i Ognå (Nord-Tjemsland 33. 3.).
4. Rakel Serina, f. 13-9 1849, gift med Sivert Stokkeland. Budde visst i Stavanger.
5. Hans Hansson Reime, f. 25-7 1852 (52.).
6. Peder Hansson Stavnheim, fødd 2-3 1855, gift 1) 27-11 1884 med Inger Serina Larsdtr. Odland, gift 2) 1887 m. Marta Kirstina Rasmusdtr. Kvasheim, gift 3) 23-2 1900 med Karen Berte Jonsdtr. Hårr (Stavnheim 51.).
7. Rakel Gurina, f. 9-1 1858, gift 10-11 1881 med Nils Tønnesson Sør-Reime (sjå der 39.).
8. Johannes Hansson, f. 6-9 1860, gift 8-4 1904 med Seline Jonsdtr. Hobberstad (sjå Hoberstad i Varhaug 53.).
9. Hanna Regina, f. 11-8 1863, d. 13-6 1886, ugift.
10. Elen Olina, f. 22-2 1867, d. 2-4 s. å.

38. Rasmus Rasmusson Reime, bror til

Hans, f. 13-3 1817, d. 13-1 1902, gift 21-6 1842 med Guri Marta Tjølstdr. Njølstad, f. 1-4 1818, d. 10-3 1900 (sjå Njølstad 10. 2.). Rasmus kjøpte 18 sp. av faren i 1835 for 200 spd. + følge. Dei fekk 7 barn:

1. Rasmus Rasmusson Reime, f. 25-1 1844 (54.).
2. Tønnes Rasmusson Reime, fødd 27-11 1846 (55.).
3. Elias Rasmusson, f. 17-4 1849, d. på Reime 21-5 1919, ugift.
4. Kornelius Reime, f. 12-9 1851, gift med Ane Bertine Gausland. — Budde på Stavnheim i Varhaug (sjå der 59.).
5. Maria Kirstina, f. 22-12 1854, gift med Sven Tønnesson Garborg i Time.
6. Gurina, f. 6-5 1857, gift 2-11 1883 med Peder Napoleonson Njølstad (sjå Njølstad 19.).
7. Jonas Rasmusson Reime, f. 19-10 1860, gift 14-3 1889 med Maria Tønnesdr. Sør-Reime (sjå Ødemotland 18.).

39. Lars Larsson Stavnheim (sjå S-Reime 25.) var son til Lars Gunnarson Stavnheim i Varhaug og kona Berta Torstensdr. (Stavnheim 32. 4.). Han var f. 24-3 1824, d. 21-10 1903, gift 13-6 1849 med Margreta Tjærandsdr. Reime (33. 1.), f. 23-7 1819, d. 5-5 1895. Margreta tok over 9 sp. etter faren i 1830 for 300 spd. I 1870 selde Lars mesteparten av bruket, 2 mark 60 øre, til Nils Nilsson, sjølv sat han att med 55 øre, som var bnr. 7. Dei fekk 6 barn:

1. Berta Larsdr., f. 27-1 1850, gift i Stavanger 3-11 1873 med skomakar Ingebret Olson Rimestad (Rimestad 54. 4.).
2. Tønnes Larsson Reime, f. 17-1 1852, gift 25-1 1883 med Anna Henriksdr. Hadland i Oгна. Han var sjømann. Sidan kjøpte han Høneland av Ødemotland, men døde straks etter den 4-7 1885. Barn er ikkje nemnde.
3. Elen Malena Larsdr., f. 28-7 1854, gift 20-10 1881 med Omund Svenson Lerbek (sjå der 35.).
4. Lars Larsson, f. 5-5 1857, gift i Stavanger 22-1 1884 med Elisabet Osmondsdr., f. i Nedstrand 19-6 1857. Han var sjøm. og budde i Stavanger.
5. Mathea Larsdr., f. 27-9 1860, d. 24-11 1862.
6. Mads Larsson Reime, f. 24-6 1863 (57.).

40. Jonas Henrikson Vig (sjå Sør Reime 26.). Han makebytte dei $\sqrt{2}$ spand i Sør Reime mot Lars Larsson sine 9 spand i Reime i 1850. Jonas skulle gi følge til Jonas Olson og Elen Malena Mikkelsdr. — Eg veit ikkje kor vidt dette byte vart

gjort gjeldande, men Lars budde framleis på Reime, og Jonas Henrikson budde på Sør Reime som før. (Seinare merknad: Det var nok Lars som først hadde butt på Sør Reime og Jonas på Reime.)

41. Kristian Gjermundson Herikstad (sjå Næsheim 92.) budde på Storebakken av Reime i 1847.

42. Isak Larsson Kydland var son til Lars Ingebretson (Kydland 24.) og kona Guri Endresdotter. (Guri var sone-datter til nr. 22.) Isak var fødd 25-4 1815, død 22-5 1887, gift 7-4 1847 med Ingeborg Serina Omundsdatter Jåster (Lerbek 25. 2.), f. 4-10 1820, d. 24-2 1895, sonedatter til Peder Ellingson Rudleholen, så Isak var trimenning til far hennar. Dei kom til Storebakken etter Kristian Gjermundson i 1847. — 2 barn:

1. Lars Isakson, f. 4-5 1847, gift 12-11 1874 med Anna Kirstina Hansdr. (Vigrestad 35. 5). Budde på Sandnes. — Son: Olaus Reime.
2. Omund Isakson, f. 21-7 1851.

43. Ola Olson Reimevoll var son til Ola Olson Skretting og kona Barbro Størkardsdr. (sjå Skretting i Varhaug 45. 2.), fødd kring 1785, død 22-7 1850, gift 17-3 1816 med Gunhild Gregoriusdr. Odland i Varhaug (sjå der 37. 4.). Ola var husmann på Reimevoll frå kring 1825. Han hadde før butt ymse stader i Varhaug. Me veit om 6 barn:

1. Berta Karina, f. på Odland 22-7 1816, gift m. Eivind. Budde visst i Stavanger.
2. Asselina, f. på Halleland, 21-2. 1819, gift med Ola Svenson Reimevoll (44.).
3. Olina, f. på Skretting 4-4 1823, gift 10-4 1845 med Kristofer Kristoferson Netland Lima på Skjæveland i Høyland. Han var vektar på Sandnes.
4. Grete Guria, f. på Reimevoll 26-5 1827, gift med ein Rasmus. Reist til Amerika.
5. Rakel, f. 1-6 1831, d. 16-9 s. å.
6. Marta Malena, f. 1825, gift 1849 med Sivert Gabrielson Gudmestad (Haa 12.).

44. Ola Svenson Reimevoll (Ola Adlesta) var son til Sven Olson Skretting i Varhaug og kona Barbro Olsdr. (sjå 30. 4.), fødd på Varhaug 6-10 1824, død på Nærbø 18-4 1891, gift 27-11 1856 med Asselina Olsdr. (43. 2.), f. 21-2 1819, død på Nærbø 3-1 1907. Kring 1865 flutte dei frå Reimevoll og byksla plassen Dalane under Bø. Her dreiv han som skyskaffar. Han var svært glad i hestar og brennevin,

drakk tett og kørde fort. Dei hermer etter han når sonen Olai skulle halda grahesten, at han ropa: Olai streg'an, la 'an stå kjekke, basen i værå! — Ein annen gong han kom heim og hadde vore ute og skyssa, då ropa han til kona: Asselina, skjer meg ei skjeva av kristianiabrøe å skjenk meg ein dram! — Han fekk banen sin ein gong han kom køyrande heim nedantil stasjonen i fullt tråv, då han så skulle venda inn til Dalane frå hovedvegen, gjekk kariolen ålveltes, og han for med hove beint i steingarden og slo seg ihel. Dei hadde 2 barn[†]

1. Sille Maria, f. 16-12 1856, gift med Stein Tjæråndson Skeie (sjå Gudmestad 51.).
2. Olai Olson, f. 1-8 1861 (sjå Bø 134.). Asselina hadde ein son u. e.:
3. Ola Eliasson, f. 10-6 1845 (sjå Njærheim 128.).

45. Erik Jonson Reime, son til 34., f. **19-2 1823**, d. **29-1 1873**, gift **30-6 1853** med Margreta Pedersdr. Obrestad, fødd **30-3 1816**, død **15-12 1902** (Obrestad 25. 2.). Erik kjøpte **13y2** sp. av faren i **1841** for **300** spd. + følge til faren og stykmora og Hans Tjæråndson. Dei fekk 2 barn:

1. Margreta, f. 1-1 1855, d. 17-3 1894, ugift.
2. Herborg, f. 2-5 1857, gift med Ole Johannes Ånestad (58.).

46. Jon Jonson Reime, son til 34., f. 17-10 1832, d. 7-12 1855, ugift. Han fekk skjøte på $13\frac{1}{2}$ sp. av faren i 1855 for 428 spd., bnr. 8.

47. Jonas Jonson Reime, bror til Jon, f. 4-7 1833, d. 6-7 1863, ugift. Han tok over dei **13y2** sp. etter broren Jon i 1858 for 428 spd.

48. Rasmus Jonson Reime, bror til Jon og Jonas, f. 25-8 1843, d. 17-5 1900, gift 22-10 1885 med Anna Kirstina Jonasdr. Djøseland, f. 24-12 1836, d. 25-1 1910, dotter til Jonas Larsson Djøseland i Varhaug og kona Karen Enoksdtr. (sjå Djøseland 32. 2.). Rasmus tok over dei **13y2** spand etter Jonas i 1864 for 800 spd. Dei fekk ikkje barn.

49. Sven Svenson Båden var son til Sven Svenson Herigstad i Varhaug og kona Berta Svensdr. (Herigstad 43. 3.). Han var f. 9-8 1820, d. 17-5 1885, gift 12-5 1864 med Jorina Johannesdr. Sirevåg, f. 12-11 1821, d. på Storebakken 13-11 1906, dotter til los Johannes Toreson Dahl i

Sirevåg og kona Joron Nilsdr. Sven kom til Båden i 1865 etter Tollak Olson. Berre ei dotter er døypt:

Berta Svensdr., f. 30-7 1865.

50. Tobias Torkelson Høyland (sjå Høyland 104. 5.). Han var fødd 7-12 1858, død på Motland 13-3 1942, gift 1) med Tora Johannesdotter, fødd Kaldhagen i Vikadal, gift 2) med Ingeborg Oline Jakobsdr., f. Ovendal i Sokndal 1867, d. 3-7. 1942. Tobias Høyland var komen til Båden etter Sven Svenson (49.). i 1885. I 1889 kjøpte han plassen av dei Reime, Båden og noko av Storebakken, for 930 kroner. Det hadde ei samla skuld av 1 mark 4 øre. Tobias var hamneformann og låg ute på hamnearbeid den meste tida. — Han hadde eit barn i første gifte og 12 i andre:

1. Torkel Høyland, f. 8-8 1883, d. 2-8 1963, gift 8-8 1908 med Kristina Henriksdr. Bø, f. 9-10 1886 (Bø 123. 2.). Han var hamnearbeidar, seinare handelsmann på Nærbø.
2. Jakob Høyland, f. 1887, gift 17-6 1917 med Anna Maria Rasmusdr. Skjærpe, f. 18-7 1889. Han var hamneformann i Stavanger.
3. Tora Høyland, f. 25-12 1889, gift med Johannes Johannesson Reiestad, f. 26-9 1885 (Reiestad 44. 4.).
4. Johan Georg Høyland, f. 1-6 1892, gift 29-12 1921 med Tora Henriksdr. Bø, f. 20-11 1897 (Bø 123. 5.). Jernbanemann. Hinna.
5. Torvald Høyland, f. 23-8 1894, gift med Charlotte Brestrup. Hamneformann i Stavern.
6. Ingvald Høyland, f. 28-3 1897, d. 1946, gift med Anny frå Arendal. Byggmeister i Sauda.
7. Sigvald Høyland, f. 10-10 1899, gift med Helga. Arbeidar ved A/S Titanik i Sokndal.
8. Ingeborg Høyland, f. 30-12 1901, gift i Amerika med Ole Løvås.
9. Trygve Høyland, f. 3-7 1904, gift med Ester Qvam. Bonde på Re.
10. Olav Høyland, f. 3-7 1904 (64.).
11. Serina Høyland, f. 29-9 1906, gift med enkjem. Gunnar Kråkedal, Åreskjold, f. 31-12 1886.
12. Anna Høyland, f. 13-1 1909, gift i Amerika med Kristian Feldtmose.
13. Finn Høyland, f. 4-11 1911, gift 1945 med Torbjørg Kvia, f. 13-11 1913.

I 1936 gav Tobias frå seg Båden til sonen Olav, og kjøpte eit stykke av Simon Motland. Då Tobias var død, tok sonen Finn Høyland over dette.

51. **Nils Nilsson Njørheim** (sjå Njørheim 94. 8.) var fødd 28-12 1834, død 5-1 1921, gift 16-4 1869 med Taletta Ellingsdotter Madland, fødd 13-8 1838, død 28-11 1913, dotter til Elling Mikkelsen Madland i Varhaug og kona Joron Olsdotter (sjå Madland 19. 7.). Nils Nilsson kjøpte det meste av bruket hans Lars Larsson, 2 mark og 60 øre, bnr. 6, i 1870, for 700 dalar pluss folge til Margreta Tjærandsdotter. — Dei fekk 7 barn:

1. Olina Njørheim, f. 18-1 1870, gift 19-4 1890 med Sven Pederson Høyland (sjå Høyland 163.).
2. Nils Nilsson Reime, f. 25-9 1871 (60.).
3. Justine Reime, f. 22-4 1873, d. 27-10 1950, ugift, skreddar.
4. Elling Reime, f. 13-8 1874, d. 31-8 1925, ugift.
5. Nikolai Reime, f. 28-5 1876 (59.).
6. Maria Reime, f. 21-2 1878, gift med Rasmus Myklebust i Eigersund.
7. Martin Reime, f. 14-8 1880. Busett i Amerika.

52. **Hans Hansson Reime**, son til 37., f. 25-7 1852, d. 7-8 1918, gift 14-7 1881 med Berta Elisabet Tønnesdr. Sør Reime, f. 23-5 1857, d. 30-4 1933 (Sør Reime 27. 4.). Han og broren Rasmus skifte farsgarden i 1881, og Hans fekk bnr. 2, som var 3 mark og 40 øre, bygde nytt og flutte ut. Dei fekk 11 barn:

1. Hans Hansson Reime, f. 19-11 1881 (62.).
2. Rakel Gurine, f. 4-4 1883, gift 27-9 1901 m. Helmik Erikson Hobberstad, Varhaug (sjå der 52.).
3. Tønnes Reime, fødd 9-12 1885, død i Amerika.
4. Håkon Reime, f. 26-7 1887 (61.).
5. Magnus, f. 5-2 1889, d. 6-3 1893.
6. Eivind Reime, f. 16-12 1892. Reist til USA.
7. Magna Reime, f. 20-8 1894, gift 20-5 1920 med Magnus Hobberstad i Varhaug.
8. Hanna Regina, f. 18-5 1896, gift 8-4 1925 med Ingebret H. Bø i Randeberg.
9. Elen, f. 12-4 1898, gift 8-4 1925 med Olaus H. Bø i Randeberg.
10. Berta, f. 18-8 1902, gift med Mikal K. Viste, Randeberg.
11. Berta Kirstine, f. 10-3 1891.

53. **Rasmus Hansson Reime**, bror til 52., f. 10-10 1844, d. 25-8 1930, gift 7-4 1881 med Elen Jonasdr. Djøseland, f. 4-5 1844, d. 19-4 1927, dotter til Jonas Larsson Djøseland i Varhaug og kona Karen Enoksdtr. (sjå Djøseland 32. 4.). Rasmus

Hansson tok over hovedbolet av faren i 1881, 4 mark og 42 øre, bnr. 1. Dei fekk 5 facim^t

1. Rakel Gurine, f. 12-10 1881, gift med Nikolai Nilsson (58.).
2. Hans Rasmusson, f. 23-6 1884, d. 26-4 1885.
3. Kristine Jorine, f. 1-4 1883, d. 11-8 1884.
4. Kristine Jorine, f. 14-3 1886, gift med Nikolai Nilsson (58.).
5. Emma Regine, f. 30-7 1887, gift 6-1 1932 med enkjemann Olaus Omundson Vigesdal, f. 31-10 1870.

54. **Rasmus Rasmusson Reime**, son til 38., f. 25-1 1844, d. 6-6 1927, gift 15-11 1883 med Oline Tønnesdr. Garborg, f. 9-12 1853, d. 9-1 1952, dotter til Tønnes Svenson Garborg i Time og kona Anna Olsdr. Rasmus Rasmusson kjøpte % av faren sitt bruk, 5 mark og 52 øre, i 1878 for 4500 kroner, bnr. 3. Dei fekk 5 barn:

1. Marta, f. 1-2 1885, gift 11-10 1913 med Hans Pederson Obrestad (Obrest. 44.).
2. Rasmus Rasmusson Reime, fødd 24-4 1887, død 22-12 1951. Han brukte farsgarden saman med broren Reinert. Var ugift.
3. Trygve Reime, f. 30-10 1888, gift 19-9 1914 med Lilly Nilsen. Bur i Stavern.
4. Ole Reinert Reime, f. 5-5 1891. Brukar farsgarden. Ugift.
5. Alfred Reime, f. 20-5 1894, gift 12-4 1919 med Selma Buvik. Bur i Stavern.

55. **Tønnes Rasmusson Reime**, bror til 54., f. 27-11 1846, d. 15-2 1919, gift 7-12 1896 med Kirstine Olsdr. Djøseland, f. 29-8 1870, d. 22-11 1951, dotter til Ole Tønneson Djøseland i Varhaug og kona Karen Rasmusdr. (Djøseland 49.2.). — Tønnes Rasmusson kjøpte 14 av faren sitt bruk i 1878, eller 1 mark og 83 øre, bnr. 4, for 1500 kroner. — 8 barn:

1. Marta, f. 16-3 1898, gift 1934 med Jakob Meling, Talje.
2. Rasmus Tønnesson Reime, f. 16-3 1898 (7L).
3. Ole Reime, f. 16-2 1901. Reiste til USA. Død på Nærbo 24-12 1967.
4. Karen Reime, f. 6-6 1903, gift 1-12 1929 med Lars Johanson Vassendvik, f. i Nedstrand 30-10 1904.
5. Tobias Reime, f. 17-2 1905, d. i Montana 1953, ugift.
6. Klara Reime, f. 30-11 1906, gift med Arthur Håland, Varhaug.
7. Elias Reime, f. 27-5 1909, gift 30-1 1937 med Eldbjørg Gudmestad (Skjærpe 46. 3.), f. 16-11 1915. — Bygningsmann. (N-Varhaug 46.)

8. Ragnvald Reime, f. 13-4 1912, gift 21-8 1948 med Kristine Hognestad, f. i Time 11-11 1906. — Handelsmann på Nærbø.
56. **Tobias Olson Storebakken** (sjå Høyland 157.). Kjøpte plassen Storebakken av bnr. 1 og 2 i 1893. Då han var død i 1926 tok sonen Peder Mikal over plassen, og då han døde tok hans son, Peder Høyland, over i 1934 (nr. 63).
57. **Mads Larsson Reime**, son til 39., f. 24-6 1863, gift 29-11 1901 med Olina Tjølsdtr. Kylllest, f. 19-4 1867, dotter til Tjøl Olson Kylllest i Høyland og kona Anna Jonsdtr. frå Djøseland i Varhaug. Mads Reime var sjømann og fiskar. I 1893 tok han over bnr. 7 etter faren. Seinare selde han til Håkon Hansson og flutte til Madland i Varhaug (sjå meir om han der 29.).
58. **Ole Johannes O. A. Ånestad** var son til Ole Asbjørn Josefson Ånestad i Varhaug og kona Grete Jonsdtr. (Ånestad 76. 3.). Han var f. 30-10 1854, d. 8-7 1912, gift 12-4 1877 med Herborg Eriksdotter Reime (45. 2.), f. 2-5 1857, d. 13-4 1923. Han kjøpte bnr. 8 av vermora, Margreta Pedersdtr. i 1878 for 1600 kroner. I 1893 tok han over parten til Rasmus Jonson, bnr. 9. Dei fekk 12 barn:
1. Maria, f. 28-2 1878, d. 1-7 1956, ugift.
 2. Erik, f. 28-11 1879, d. 27-1 1912, ugift.
 3. Grete, f. 16-2 1882.
 4. Olava Andrea, f. 11-5 1884, gift 27-11 1909 med Erik Erikson Eikeland i Time, f. 1882, d. i Amerika. — Olava Andrea døde i 1923. Ein son: Erling Eikeland, f. 5-10 1923 er hjå morbroren Ole Asbjørn Reime.
 5. Hanna Margrete, f. 22-9 1887. Bur hjå broren Ole Asbjørn.
 6. Berta, f. 8-3 1889, d. 14-12 1913, ugift.
 7. Ole Asbjørn Reime, f. 20-7 1891. Brukar ein part av farsgarden, hovedbolet, bnr. 8 og 9. Han er ugift.
 8. Johannes Reime, f. 16-8 1893, gift 31-5 1958 med Anna Frøynes frå Setesdalen (sjå 66.).
 9. Rasmus, f. 20-2 1896, d. 20-1 1897.
 10. Rakel, f. 28-11 1897, gift 3-9 1922 med Tobias T. Gudmestad (sjå Næsheim 114. 1.).
 11. Margit, f. 4-9 1900, d. 23-5 1965. Husaldar ved Nærbø Meieri.
 12. Jon Reime, f. 8-8 1903, gift 10-11 1940 Gerd Lohne, f. i Sola 16-9 1917. Jon tok over ein part av farsgarden, bnr. 13 i 1928. I 1954 selde han til Harald Harbo og flutte til Sola, der han tok over bruket etter verfare.
59. **Nikolai Nilsson**, son til 51., f. 28-5 1876, d. 1941, gift 1) 3-10 1903 med Rakel Gurine Rasmusdtr. Reime (53. 1.), f. 12-10 1881, d. 28-11 1918, gift 2) 22-12 1923 med Kristine Jorine Rasmusdtr. (53. 4.), f. 14-3 1886, d. 28-6 1950. Nikolai tok over bnr. 1 etter verfare. 6 barn i første gifte:
1. Rasmus Nikolai Reime, f. 2-8 1904, gift 1-2 1930 med Tora Johannesdtr. Stemmen, f. i Høle 15-1 1904. Brukar nå farsgarden, bnr. 1.
 2. Elen, f. 13-5 1906, gift 7-11 1936 med Erling Varhaug (S-Varhaug 111. 5.).
 3. Nils Reime, f. 26-2 1908, gift 1934 med Tora Håland, f. 29-11 1908 (Store Håland 32. 6.). Bur på Gudmestad.
 4. Taletta, f. 13-1 1910, gift 25-6 1932 med Elling (Varhaug 116. 2.).
 5. Hans N. Reime, f. 13-2 1912, gift 1939 med Inga Hobberstad, f. 26-6 1918. — Han tok over bnr. 6 etter farbroren, Nils Reime.
 6. Norvald Reime, f. 27-6 1914, gift 1944 med Olga Johannesdtr. Stemmen, f. i Høle 29-11 1913. Han er bilmekanikar på Nærbø.
60. Nils Nilsson **Reime**, f. 25-9 1871, d. 20-11 1965, gift 1-4 1911 med Elisabet Olsdtr. Braut, f. 3-4 1887, d. 30-11 1963. Nils er bror til 59. Han tok over bnr. 6 etter faren. Brorsonen, Hans Nikolaison, tok over bruket i 1948. Nils Reime var mange år sjømann før han tok over garden. Han hadde ikkje barn.
61. **Håkon Reime**, son til 52., fødd 26-7 1887, død i Stavanger 11-12 1962. Gift 31-5 1913 med Mathilde Anda, f. 29-10 1890, d. 26-8 1944, dotter til bakar Bernt Theodor Anda og andre kona, Elisabet Sofie Larsdtr. (sjå Skjærpe). — Håkon Reime kjøpte bnr. 7 av Mads Larsson i 1914. I 1920 selde han til kommunen som la bruket ut til lærargard. Håkon budde sidan i Stavanger. Barn:
1. Sofie Reime, f. 1-3 1914, gift med Ole Olsen.
 2. Magnhild Reime, f. 24-6 1917, gift med Peder Skjørestad.
 3. Berta Reime, fødd 3-9 1915, gift med Gerhard Bergeland.
 4. Hans Reime, fødd 15-4 1919, gift med Maria Gullhav.
 5. Theodor Reime, f. 12-5 1920, gift med Else Åbø, død.
 6. Harald Reime, gift med Solveig Olsen.
 7. Magnus Reime, gift med Signy Maurstad.
62. **Hans Hansson Reime** (52. 1.). Fødd 19-11 1881, død 27-11 1960. Gift 2-11 1922

med Anna Margreta Grødeland, f. 10-11 1888, d. 8-3 1965 (Grødeland 21. 5.). Hans Hansson tok over bnr. 2 i 1919. Dei hadde 8 barn:

1. Hans H. Reime, f. 20-12 1923, gift 1955 med Solveig T. T. Obrestad (nr. 73).
2. Per Reime, f. 8-6 1925 (Grødeland 30.).
3. Berta H. Reime, f. 14-11 1926, gift med Sven S. Grødeland (sjå Grødeland 29.).
4. Einar H. Reime, f. 8-10 1928.
5. Tor H. Reime, f. 30-9 1929.
6. Tjærland H. Reime, f. 30-9 1929.
7. Tor Reime, f. 24-4 1931.
8. Tjærland Reime, f. 24-4 1931.
Begge tvillingane døde som små.

63. Peder Mikal Tobiasson Høyland (sjå Høyland 157. 3.), f. 4-9 1891, d. 21-3 1930. Gift 1) 2-7 1910 med Maria Pedersdotter Høyland, f. 26-12 1881, d. 29-9 1924, gift 2) 1925 med Herborg Martinsdotter Salte, f. 11-1 1896, dotter til Martin Olson Store Salte og kona Malena Pedersdr. Høyland (sjå Høyland 127. 1.). Peder Mikal budde ei tid på Høyland. — Då faren var død, flutte han heim til Storebakken. Barn av første gifte:

1. Tobias P. M. Høyland, f. 20-11 1910, d. 11-10 1933, ugift.
 2. Peder P. M. Høyland, f. 29-1 1912, gift 1931 med Sille Tønnesdr. Djøseland, f. 14-1 1912. Brukar Storebakken.
 3. Astrid Elida Høyland, f. 1913, d. 6-6 1932.
 4. Paul Mikal Høyland, f. 6-6 1918.
 5. Einar P. M. Høyland, f. 17-9 1920.
 6. Anny Høyland, f. 15-3 1924.
64. Olav T. Høyland, son til 50., fødd 4-7 1904. Gift 1) med Anna Kvia, f. 1905, d. 1933. Gift 2) 8-8 1938 med Gudrun Larsen, f. 15-5 1906 (Skjærpe 43. 8.). Olav Høyland tok over bnr. 5 Båden etter faren i 1936. — Barn:
1. Alf Høyland, f. 1933.
 2. Ingrid Høyland, fødd 1938, gift med Karsten Ueland, Varhaug.
 3. Torfinn Høyland, f. 1940, gift 1967 med Marit Rasmusson Klepp.
 4. Brit Høyland, f. 1942, gift 1966 med Asgaut Aanestad (Haa 64. 4.).

65. Ole Asbjørn O. J. Reime, son til 58. Fødd 20-7 1891. Tok over bnr. 8 og 9 etter faren (mora) i 1928. Han er ugift, og ein systerson, adoptert:

Erling Erikson Eikeland, f. 5-10 1923.

66. Johannes O. J. Reime, bror til 65., f. 16-8 1893, d. 9-4 1966. Gift 31-5 1958 med Anna Frøysnes, fødd i Setesdalen. Han tok over bnr. 12 etter faren i 1928. Barn: Herborg Reime.

67. Jon O. J. Reime, bror til 65. og 66., f. 8-8 1903, gift 10-11 1940 med Gerd Lohne, fødd i Sola 16-9 1917, dotter til Leiv og Bergljot Lohne. Jon Reime tok over ein part av farsgarden, bnr. 13, i 1928. I 1954 selde han til Harald Harbo og flutte til Sola. Barn fødde på Reime:

1. Ove Jon Reime, f. 20-5 1941.
2. Herborg Bergljot Reime, f. 19-10 1946.

68. Harald Harbo, f. i Forsand 23-6 1913, son til Torstein og Elen Harbo. Gift 1938 med Sikke Ødegård, f. i Varhaug 27-8 1912 (sjå Nord-Halleland 46. 7.). Harald Harbo kjøpte bnr. 13 av Jon Reime i 1954. — Barn:

1. Torfinn Harbo, f. 15-1 1940, gift 1965 med Solveig Halsnes, Finnøy.
2. Gunnar Harbo, f. 29-4 1942, gift 1966 med Elen (Lode 111.1.).
3. Egil Harbo, f. 23-4 1944.
4. Olav Harbo, f. 15-5 1945.
5. Svein Helge Harbo, f. 13-9 1948.
6. Brit Signe Harbo, f. 21-3 1950.

69. Rasmus Rasmusson, son til 54., fødd 24-4 1887, død 22-12 1951, ugift. Rasmus Rasmusson tok over bnr. 3 etter faren i 1927.

70. Ole Reinert Rasmusson, bror til 69., fødd 5-5 1891. Han tok over bnr. 3 etter broren i 1952, er ugift.

71. Rasmus Tønnesson Reime, son til 55., fødd 16-3 1898. Gift 7-7 1928 med Grete Gurine Rangen, fødd 31-12 1901 (Kvia 67. 3.). Rasmus Tønnesson tok over bnr. 4 etter faren i 1928. Barn:

1. Tønnes R. Reime, f. 26-5 1929, gift 6-7 1963 med Margit Håland, Sandnes (Os-kar Håland).
2. Gunleif Reime, f. 30-9 1931, gift med Ally A. Njærheim.
3. Ragnar Reime, f. 16-3 1939, gift 1961 med Jessi Rangen.
4. Kåre Reime, f. 23-10 1943, gift 1965 med Gerd Turid Søyland.
5. Gaute Reime, f. 15-11 1948.

72. Rasmus N. Reime, son til 59., f. 2-8 1904. Gift 1-2 1930 med Tora Johannesdotter Stemmen, fødd i Høle 15-1 1904, dotter til Johannes Stemmen og kona. Rasmus Nikolaison tok over bnr. 1 etter faren i (1941?). Barn:

1. Gunlaug Reime, f. 28-12 1930, gift 3-11 1951 med Jon Høyland (Høyland 179. 6.).
2. Oddveig Reime, f. 10-6 1932, gift med Gabriel T. (Odland 71. 3.).
3. Norolv Reime, f. 17-11 1933, gift 1955 med Kirsten Time.

4. Jostein Reime, f. 26-10 1935, gift 1957 med Gerd Mildfrid Aanestad, f. 16-7 1940 (Ånestad, Varhaug).
5. Reidar R. Reime, f. 8-9 1939, gift med Dagny Johannessen (sjå Nærbø).
6. Torhild Reime, f. 7-2 1946, gift 21-9 1963 med Fredrik Underhaug (Nærbø st. 202. 1.).
73. Hans N. Reime, bror til 72., fødd 13-2 1912. — Gift 1939 med Inga Hansdotter Hobberstad, f. 26-6 1918 (sjå Hobberstad, Varh. 55. 8.). Hans Nikolaison tok over bnr. 6 etter farbroren, Nils Nilsson, i 1948. — Barn:
1. Norleiv Reime, f. 2-4 1941.
 2. Helge Reime, f. 22-10 1949.
 3. Gunnar Reime, f. 20-6 1952.
74. Hans H. Reime jr., son til 62., fødd 20-12 1923. Gift 1955 med Solveig Obrestad, fødd 25-9 1929 (Obrestad 47. 6.). Hans H. Reime tok over bnr. 2 etter faren i 1960.
75. **John Hæskja**, lærar, fødd i Tysvær 23-3 1890, son til bonde Jon Erikson Hæskja og kona Laurentse, f. Apeland. John Hæskja vart lærar i Vigre krins i Nærbø i 1921. Han hadde då hatt ymse lærarpostar, først i Balsfjord 1914/17 og Vågan i Lofoten 1917/19, og i Tysvær 1919/21. Han slutta i Nærbø i 1957. I 1916 vart han gift med Ingebjørg Erlandsen, fødd i Sør-Reisa, Troms 1-7 1893. Hæskja budde det meste av tida si på lærargarden på Reime. Han bygde sitt eige hus på Skjærpe-grunn. — John Hæskja er ein dugande preparant og har stoppa ut ei mengd med fuglar, han er og ein dugande handverkar, især i snikkarfaget, og er uvanleg møkje interessert i jordarbeid til lærar å vera. Dei har hatt 2 barn:
1. Leidulf Hæskja, f. 24-6 1917, gift 1946 med Anne-Lise Schjelderup. Han er lækjar i Flekkefjord.
 2. Magnhild Hæskja, f. 29-10 1919, død 1953, var lærar.

G.nr. 13. Sør-Reime

Sør-Reime hadde ei kom landskuld på 1 $\frac{1}{4}$ pund = 30 spand i 1723, som var benefisert Varhaug kyrkje 10 spand og bispestolen i Kristiansand 20 spand. Opphaveleg har Reime nordre og søndre vore ein gard som eingong for lenge sidan har vorte skifte i to.

NAMNEREGISTER

1. Einar på Sør-Reime i 1519
2. Halvard i 1563
3. Olluff H(alvardson)
4. Karl Olson
5. Oelle Karlson
6. Rasmus Olson
7. Oelle Rasmusson
8. Salomon (Pederson?)
9. Salomon (Olson?)
10. Aslak Olson
11. Tore Olson
12. Nils Omundson Reime
13. Omund Jonson Bø
14. Knut Asserson Reiestad
15. Tjærاند Larsson Husveg
16. Ola Nilsson Kolnes
17. Nils Nilsson Mossige
18. Gunnar Pederson Varhaug
19. Jon Olson Sør-Reime
20. Torsten Olson Sør-Reime
21. Isak Toreson Stavnheim
22. Jon Larsson Obrestad
23. Nils Eivindson Tjensvoll
24. Tollak Olson Motland
- 24B. Jonas Torgerson Husveg
25. Lars Larsson Stavnheim
26. Jonas Henrikson Vig
27. Tønnes Jonson Erga
28. Ola Jonson Næsheim
29. Enok Jonson Ølbør
30. Peder Nilsson Sør-Reime
31. Sem Simonson Motland
32. Gunnar Nilsson Sør-Reime
33. Ole-Mikal Olson Hadland
34. Hans Olson Salte
35. Kristian Larsson Bø
36. Ola Hansson Sør-Reime
37. Martin H. Sør-Reime
38. Omund H. Sør-Reime
39. Nils T. Sør-Reime
40. Ole-Anderas O. M. Sør-Reime
41. Andreas P. Skretting
42. Tobias P. Sør-Reime
43. Helmik Sør-Reime
44. Hans M. Sør-Reime
45. Erik Olson Salte
46. Ole-Mikal A. Sør-Reime
47. Peder A. Sør-Reime
Peder R. Obrestad
Edvard Sola
48. Hans N. Sør-Reime
49. Gunnar N. Sør-Reime
50. Hans Omundson
51. Ole-Mikal O. A. Sør-Reime
52. Kristian H. Sør-Reime
53. Peder T. Sør-Reime
54. Trygve T. Sør-Reime
55. Ingvald T. Sør-Reime
56. Martin H. Sør-Reime
57. Nils H. Sør-Reime
58. Ole H. Sør-Reime
59. Håkon P. Sør-Reime
60. Alfred Olai A. Sør-Reime

1. **Einar** er nemnd på Sør-Reime i 1519 /21.

2. **Halvard** nemnd 1563, skatta 1 dalar og 1 ort.

3. **Olluff H(alvardson?)** saman med Halvard i 1563, skatta 3 ort. I 1566 måtte Helge Anestad bøta 1 ort til kongen for han hadde gjeve Olluff Sør-Reime eit øksehogg i eit brudlaup. Olluff Sør-Reime er nemnd på hyllings-tinget i Kvia Skipreida i 1591. Han er og nemnd i 1602/03 /13. Når der i same farten under Olluff Sør-Reime er nemnde Olluff Tollefsen

og Olluff Oddsens, så kan det vel snaut meinast at desse og budde på Sør-Reime, i 1603.

4. Karl Olson er nemnd på Sør-Reime i 1645 med kona og 1 dreng og 2 døtre, skatta IV₂ ort og 4 skill. Var han kanskje son til 3.? Karl gav 10 sp. leidang i 1624 og åtte ^{4 1/2} sp. i Bø i 1626.

5. Oelle Karlson var truleg son til 4. Han er nemnd i 1645 med kona, skatta 16 skill. (Tingbok 19, side 122?)

6. Rasmus Olson var bror til 4. og nemnd på Sør-Reime i 1645 med kona og 1 dotter, skatta 1 ort. Han gav 10 sp. leidang i 1624, saman med broren Karl.

7. Oelle Rasmusson er nemnd på Sør-Reime i 1645 og 1665. Han var fødd kring 1615. Kona er ukjend. I 1658 hadde Salomon og Oelle Sør-Reime stevnt grannen sin Aslak Olson "formedelst nogen brug i gaarden som de haffr lejed hosz den gode mand Bispen." Dei vart samde slik, "at eftersom hand (Oelle) haffr lejed ^{3 1/2} spand som Olle for denem opgaff." — (Tingbok, side 118.) Der er nemnde 3 barn i 1665:

1. Rasmus, f. 1651.
2. Ola, f. 1655.
3. Jon, f. 1659.

(Olle Rasmusen Sør-Remme hadde pantsett "sin ejende jordepart i Sør-Remme til Lauritz Eriksen Nærland for 21 rigsd. i 1667.)

8. Salomon Pederson er nemnd 1662 og 1663. Han var laugrettesmann i 1655.

9. Salomon Olson brukte 15 spand i Sør-Reime i 1665. Han var fødd kring 1628, død før 1701. Gift med Malena Karlsdtr., truleg dotter til nr. 4. Der var skifte etter henne 2-4 1696. (Salomon var frå Skrettingland i Varhaug, sjå der 5. 1.) — 4 barn er nemnde i 1696:

1. Ola Salomonson Odland, f. 1652 (Odland, Varhaug 17.).
2. Karen Salomonsdtr., gift 1) med Hans Tolleivson Odland, gift 2) med Torgier Odland (Odland 9. og 16.).
3. Elen Salomonsdtr., gift med Rasmus Jonson Hårr (Hårr 22.).
4. Malena Salomonsdotter, gift med Nils Omundson Sør-Reime (12.).

10. Aslak Olson er nemnd saman med Ola Rasmusson og Salomon Olson i 1665. Han var fødd kring 1618, død 1667, skifte

etter han 5-10 det året. Gift med Gunhild Asgautsdotter frå Ræge i Håland. Han brukte 7V2 spand i 1665. 2 barn:

1. Asgaut Aslakson Hellestø.
2. Kari Aslaksdtr. (gift med enkjemann Sigbjørn Henrikson Ogn?).

10B. Laurits var husmann på Reime Søre, død før 1701, gift med Birgitte Olsdotter, som var enkje på Sør-Reime i 1701. Ein son er nemnd: Karl Larsson, f. 1680 (sjå Ødemotland 7.).

11. Tore Olson budde på Sør-Reime i 1701. Han var son til Ola Rasmusson Skretting (Skretting 13. 1.), fødd kring 1640, gift med enkja etter nr. 10, Gunhild Asgautsdotter som der var skifte etter 20-11 1694. Dei var barnlause. I 1673 selde han 9 sp. i Skretting til presten Peder Eriksen på Haa.

12. Nils Omundson Reime (Reime 11. 2.), fødd kring 1665, skifte 4-2 1723, gift med Malena Salomonsdotter Sør-Reime (9. 4.). Nils Omundson brukte 22y2 spand eller % av heile Sør-Reime. Av det åtte Kristiansand bispestol 20 spand og Varhaug kyrkje 2y2 spand. Dei hadde 7 barn:

1. Anna Nilsdtr., f. 1694 (gift med Ole Eriksen Søre-Tjemsland?).
2. Berit Nilsdtr., f. 1696, gift med Erik Olson Hårr (Hårr 27.).
3. Malena, f. 1698, gift med Eivind Pederson Næsheim (Næsheim 38.).
4. Kari Nilsdtr., f. 1700 (sjå Tingbok III side 223).
5. Eli Nilsdtr., f. 1708.
6. Malena d. y., f. 1711, gift med enkjem. Knut Asserson Auestad (sjå Auestad, Varhaug 18.).
7. Elias Nilsson, f. 1713.

13. Omund Jonson Bø (sjå 31. 1.). Fødd kring 1656, skifte etter han 27-1 1719, gift 1) med Berit Omundsdotter Reiestad (sjå Reiestad 8. 10.), skifte etter henne 5-3 1718, gift 2) med Marta Sivertsdotter Arestad i Time. Omund hadde butt på Risa (sjå der 30.), og kom til Sør-Reime kring 1706, etter Tore Olson. Han hadde ei dotter i første gifte: Berit Omundsdtr., f. 1717.

14. Knut Asserson Reiestad var son til Asser Knutson Reiestad i Varhaug (Reiestad 11. 2.). Han var fødd kring 1695, skifte 11-6 1770, gift 1) med enkja etter Omund Jonson, Marta Sivertsdtr., som der var skifte etter 16-2 1752, gift 2) med

Maren Eriksdtr. Tvihaug, f. kring 1727, d. 1-12 1819, dotter til Erik Einarson Tvihaug i Varhaug og kona Ingrid Ellingsdtr. (sjå Tvihaug 17. 3.). Knut byksla 7½ sp. av Kristiansand bispestol etter Omund Jonson. Ikkje barn. I 1723 heiter det at Varhaug kyrkje åtte alt åleine, men i 1725 står Hr. Ludvig Schultz som eigar.

15. Tjærand Larsson står som brukar av 20 sp. bispegods og 2y2 sp. kyrkjegods i 1723 til 1745 etter Nils Omundson. Han var son til Lars Olson Husveg i Varhaug og kona Joron Jonsdtr. (sjå Husveg 15. 2.). Han var fødd kring 1697, gift 1) med enkja etter Nils Omundson, Malena Salomonsdtr. Dei var gifte i 1723, og Malena døde alt i 1724. Så gifta Tjærand seg 2) 4-11 1724 med Herborg Torstensdotter Grødaland, som der var skifte etter 12-10 1751. I 1745 kom han til Grødaland (sjå der 12.). Han hadde 8 barn i andre gifte som alle var fødde på Sør-Reime:

1. Lars Tjærandson Grødeland, f. 1726 (Grødeland 13.).
2. Malena Tjærandsdtr., f. 1728, gift med Elling Larsson Lerbrek i Varh. (Store Håland 14.).
3. Torsten Tjærandson, f. 1731, truleg d. ugift.
4. Joron, f. 1733, d. før 1755.
5. Ragnhild, f. 1735, gift med Størkard Nilsson Søyland (Søyland 18.).
6. Anna Tjærandsdtr., f. 1737, gift 1) med Torsten Einarson Ånestad i Varhaug, gift 2) med Ola Olson (sjå Rimestad 25.).
7. Paul Tjærandson, f. 1739, død ugift. Han tente på Hobberstad i 1758, 20 år.
8. Torsten Tjærandson d. y., f. 1743, død før 1755.

16. Ola Nilsson Kolnes var son til Nils Andersson Kolnes i Håland og kona Malena Olsdtr. frå Grannes. Han var fødd kring 1719, død 14-12 1802, gift med enkja etter lensmann Jon Erikson Hobberstad, Ragnhild Torstensdtr. frå Grødaland, fødd kring 1710 (sjå Grødeland 11. 3.). Ola Nilsson byksla 22y2 spand i 1744 som Tjærand Larsson hadde sagt frå seg. I 1750 åtte Kristiansand bispestol dei 15 sp. og Varhaug kyrkja dei 7y2 sp., så der hadde 5 sp. vorte flutt frå bispestolen til kyrkja. Ola Nilsson Sør-Reime og Jon Ellingson Njølstad selde 12 sp. i Tunheim til Johannes Johannesson i 1756 for 24 rdl. Ragnhild døde i 1766, og der var skifte etter henne 11-12 det året. Dei hadde 7 barn:

1. Anna Malena, f. 1744, d. 8-7 1823, ugift.
2. Jon Olson Sør-Reime, f. 1746 (19.).
3. Nils Olson, f. 1750, d. før 1787, ugift.
4. Paul Olson, f. 1751, d. 1-1 1789, ugift.
5. Torsten Olson Sør-Reime, f. 1751 (20.).
6. Berta, f. 1751, gift med Erik Tjølsen Nærland (Nærland 23.).
(Alle dei 3 var 7 år i 1758, så dei måtte vore trillingar, dei levde i 1766 og var då 16 år gamle.)
7. Herborg, f. 1752, d. av nervefeber 17-3 1828, ugift.

17. Nils Nilsson Mossige, son til Nils Eivindson Mossige og kona Karen Rasmusdtr. Han var fødd kring 1743, død 1787. Gift med enkja etter Knut Asserson (14.), Maren Eriksdotter. Nils byksla 7½ spand av bispestolen i 1770 etter Knut Asserson. Dei hadde ikkje barn.

18. Gunnar Pederson Varhaug (sjå Sør-Varhaug 49. 3.). Han var fødd i 1757, død (på Bø 23-11 1841?). Gift med enkja etter Nils Nilsson, Maren Eriksdtr., som døde 1-12 1819. Gunnar var den tredje mannen hennar. Han byksla 5 spand av Børre Rosenkilde i 1789 etter Nils Nilsson. I 1831 fekk han kongeskjøte på 7y2 spand for 200 dalar. Dei fekk heller ikkje barn, men hadde fostra 2 barn etter Gunnar sin bror, Peder Pederson Varhaug i Stavanger (Sør-Varhaug 49. 1.):

1. Peder Pederson, f. 1785, gift 10-12 1815 med Sissel Larsdtr. Herigstad. Budde på Herigstad i Time. Dei var besteforeldre til klokkar Hans Hognestad. Peder hadde ein son u. e.: Abraham Pederson, f. på Tvihaug 6-7 1803 (sjå Skretting i Varhaug 68.).
2. Kirsten Olina Pedersdtr., f. 1792, gift med Nils Eivindson 23.).

19. Jon Olson Sør-Reime, son til nr. 16. Fødd 1746, død 10-5 1809, ugift. Han byksla halve bruket, eller ID/4 spand av bispen Peder Hansen i 1801 etter faren.

20. Torsten Olson, bror til Jon, var fødd i 1751, død 21-9 1816, ugift. Han byksla 7y2 spand av bispen i 1809 etter broren Jon, og hadde truleg byksla andre 7y2 spand etter faren.

21. Isak Toreson Stavnheim var son til Tore Isakson Stavnheim i Varhaug og kona Anna Kirstina Gitlesdtr. (Stavnheim 28. 3.), fødd kring 1780, død 5-10 1862, gift 18-12 1810 med Berta Olsdtr. Gudmestad, f. 1784, d. 5-1 1860 (Gudmestad 19. 5.). Isak Toreson byksla 7y2 sp. etter Jon og Torsten Olson i 1809, 5 sp.

bispegods og 2y2 sp. som låg under Njærheim kyrkja. I 1846 fekk han kongeskjøte på dei 7 1/2 sp. for 100 spd. Eg trur ikkje dei fekk barn. Isak si dotter var: Anna Judithe, f. 21-7 1832, gift i Hetland 12-4 1864 med Tore Toreson Høyland.

22. **Jon Larsson Obrestad** (Obrestad 22. 6.), fødd kring 1778, død 20-1 1849, gift 31-5 1810 med Ingeborg Sivertsdr. Gudmestad, fødd kring 1776 (Gudmestad 20. 2.). Jon Larsson byksla 15 spand i Sør-Reime i 1810 etter Torsten Olson som for skuld alderdom og sjukdom hadde sagt det frå seg. Børre Rosenkilde ferda ut bykselbrevet. I 1835 fekk han auksjon-skjøte på dei 15 spand frå kongen. Dei fekk ikkje barn, og i 1836 selde Jon til Tollak Olson.

23. **Nils Eivindson Tjensvoll** var brorson til Nils Nilsson (17.) og son til Eivind Nilsson Tjensvoll i Time og kona Maren Gunnarsdr. frå Låge Håland. Han var fødd i 1792, død 23-12 1879, gift 8-2 1821 med Kirsten Olina Pedersdr. Sør-Reime (18. 2.), fødd kring 1792, død 3-3 1844. Nils kjøpte 7 1/2 sp. av Gunnar Pederson i 1831 for 100 spd. I eit skifte etter Peder Helland i Time den 24-6 1811 får me vita at Kirsten Olina si mor, Elisabet Tolleivsdtr. var dotter til Tolleiv Olson Adnesal i Time og kona Gitlaug Karlsdr. — Nils Eivindson og Kirsten Olina fekk 7 barn:

1. Maren Kirstine Nilstr., f. 8-12 1821, gift med Tønnes Jonson (nr. 27).
2. Eivind Nilsson, f. 14-12 1823, d. 2-1 1842.
3. Gunnar Nilsson Sør-Reime, fødd 14-2 1826 (32.).
4. Maren Nilstr., f. 13-6 1830, d. 23-7 same året.
5. Maria Nilstr., f. 11-6 1831, gift med enkjem. Hans Nilsson Njærheim (sjå der 110.).
6. Peder Nilsson Sør-Reime, f. 27-3 1833 (30.).
7. Lars Nilsson Brekken, f. 6-5 1840 (sjå S. Varhaug 105.). (Han hadde ein son u. e.: Enok Larsson, f. 9-6 1866, gift 1) i Stavanger 2-4 1892 med Maria Erland, gift 2) med Berta Elisabet Torsdr. Mæland frå Skjold eller Vats.)

24. **Tollak Olson Motland** (sjå Motland 19.). Han kjøpte 15 spand i Sør-Reime av Jon Larsson (22.) i 1836 for 100 dalar. Ved skifte etter den andre kona, Anna Jonsdr. Bø, i 1848, vart dei 15 spand utlagt til dottera Anna Tollaksdr. for 700 dalar som gjekk til kreditorane som

var: 1. Sorenskrivaren, 29. d. 20 sk. 2. Jon Larsson S. Reime, 10 d. 3. Ingeborg Jonsdr. (Torland) 16 d. 8 s. 4. Rakel Jonsdr. 11 d. 8 s. 5. Tobias Toreson S. Reime 7 d. 6. Lars Nilson Lode 22 d. 2 ort. 7. Laurentsa Jonsdr. Bø 1 d. 8. Ola Pederson Ødemotland 6 d. 1 ort 4 s. 9. Tjøl Obrestad, 12 d. 1 ort. 10. Jon Erikson Reime, 5 d. 4 ort 16 s. 11. Ola Tollakson 317 d. 4 ort 3 s. — Tollak Olson hadde ei dotter i andre gifte:

1. Anna Tollaksdr., f. 27-2 1835, gift med Jonas Torgerson (24B.).

24B. **Jonas Torgerson Husveg**, fødd 4-12 1828, gift 29-8 1855 med Anna Tollaksdr. (sjå ovanfor). Jonas tok over bruket 15 spand etter Tollak Olson i 1855. Selde seinare til Ole-Mikal Olson Hadland og flutte heim til Husveg (sjå der 40.).

25. Lars Larsson Stavnheim (sjå Reime 39.) kjøpte 7 1/2 spand i Sør-Reime av morbroren, Isak Toreson Stavnheim (21.) i 1847 for 300 dalar og folge til seljaren og kona Berta Olsdotter. I 1849 selde Lars Larsson 9 spand i Reime til Jonas Henrikson Vig, og kona Malena Mikkelsdr. skulle ha folge av det same. I 1850 makebytte Lars Larsson dei 7y2 spand i Sør-Reime mot Jonas Henrikson sine 9 spand i Reime.

26. **Jonas Henrikson Vig** var son til Henrik Monsson Vig i Orre og kona Berta Jansdr. Han var fødd 20-8 1815, død på Søre-Tjemsland i Varhaug 20-11 1881. — Gift 4-7 1849 med Kirsten Malena Tjærandsdotter Reime, fødd 5-8 1824 (Reime 33. 2.). Jonas Henrikson bytte til seg 7 1/2 spand i Sør-Reime mot 9 spand i Reime med verbroren Lars Larsson i 1850 (sjå 25.). Truleg budde Jonas på Sør-Reime til 1860, for det året skifte Peder Nilsson og Sem Simonson dette bruket mellom seg. Jonas Henrikson hadde 4 barn:

1. Berta Elisabet Jonasdr., f. 20-4 1850, gift på S. Tjemsland 21-11 1872 med Tore Toreson Salte (S. Tjemsland 54.).
2. Maria Jonasdr., f. 28-12 1852, gift i Stavanger 14-7 1876 med brannkonstabel Gabriel Henrikson Hadland frå Ognå.
3. Berta Tomine Jonasdr., f. 30-1 1856, gift i Stavanger 12-6 1879 med Gabriel Gabrielson Ueland, f. 6-11 1851 (sjå Ueland 64. 5.).
4. Kirsten Jonasdr., f. 13-2 1858, gift 3-10 1878 med Ingebret Svenson Mæland i Varhaug (sjå der 36.).

27. Tønnes Jonson Erga var son til Jon Svenson Erga i Klepp og kona Berta Tørresdr. Han var fødd 12-6 1808, død 12-5 1876. Gift 17-6 1847 med Maren Kirstine Nilsdotter Sør-Reime, fødd 8-12 1821, død 22-6 1892 (sjå 23. 1.). Tønnes selde 4V2 spand i Erga til broren Sven Jonson i 1840 og kjøpte 7tø spand i Sør-Reime av Nils Eivindson for 500 dalar og folge til seljaren. Dei fekk 8 barn:

1. Elen Kirstine, f. 2-4 1849, gift 19-3 1878 med Ola Hansson Sør-Reime (36.).
2. Nils Sør-Reime, f. 1-1 1851 (39.).
3. Jon Sør Reime, f. 26-3 1853, d. 23-4 1931, gift 29-11 1883 med Kirsten Malena Mikalsdr. Motland (Motland 23. 3.), f. 29-1 1863, d. 11-9 1939. Han var garvar og handelsmann på Nærbo. — Barnlaus.
4. Berta Elisabet, f. 23-5 1857, gift med Hans Reime (Reime 52.).
5. Maria Tønnesdr., f. 11-2 1861, gift m. Jonas R. Reime (sjå Ødemotl. 18.).
- 6., 7., 8. — 3 barn som alle heitte Eivind, døde straks etter dei var fødde, med 4 år millom kvar.

28. Ola Jonson Næsheim (sjå Næsheim 84. 2. og Bø 89.). Han kom til Sør-Reime kring 1860, der han brukte dei 7tø sp. etter Jonas Henrikson Vig, som han vel hadde kjøpt. I 1867 brukte Enok Jonson Ølbør denne parten, men i 1868 er Peder Nilsson komen der. Sidan veit eg ikkje så vel om Ola Jonson. I 1870 skifte Peder Nilsson og Sem Simonson Motland denne parten millom seg. Men i matrikkelen for 1886 er berre Sem Simonson og Ola Jonson oppførde på denne parten som då hadde bnr. 4, 5 og 6. Ola Jonson hadde ikkje barn. Han var følgemann på bnr. 4 og 5 i 1900, døde 2-12 1908. Gift 2) 25-3 1858 med Rakel Serina Andersdr. Risa, f. 5-1 1835, d. 7-3 1883 (sjå Risa 67. 3.).

29. Enok Jonson Ølbør var son til Jon Olson Ølbør i Håland. Han var f. 1836, gift i Klepp 29-3 1865 med Maren Sisilie Tønnesdr. Orre, f. 25-11 1836. — Enok brukte parten hans Ola Jonson i 1867.

30. Peder Nilsson Sør-Reime, son til 23., f. 27-3 1833, d. 25-1 1920, gift 11-4 1867 med Anna Kirstina Toresdr. Grødeland, f. 2-2 1842, d. 9-6 1930 (Grødeland 16. 7.). Peder hadde teke over parten etter Enok Jonson i 1868. I 1870 skifte han og Sem Simonson bruket millom seg, og Peder fekk då bnr. 5 av skuld 2 mark 21 øre. Eg skynar berre ikkje kvifor Peder ikkje er nemnd i 1886, då Ola Jonson er opp-

førd på denne parten. Men Peder er der både i 1875 og 1906. Peder Nilsson og Anna Kirstina hadde berre 1 son:

Tobias Pederson Sør-Reime, fødd 6-3 1868 (42.).

31. Sem Simonson Motland (Motland 21. 4.), f. 9-4 1843, d. på Håland i Varhaug 19-10 1885, gift 24-9 1868 m. Grete Guria Andersdr. Risa, f. 25-8 1847, d. på Nærbo 31-10 1927 (sjå Risa 67. 8.). Sem kjøpte halve bruket av Peder Nilsson i 1870, bnr. 4, 2 mark 21 øre. I 1879 selde han ein part, bnr. 6, av skuld 10 øre, til Ola Hansson, og i 1881 selde han resten til Kristian Larsson Bø. Sidan var han ei tid på Hjertholen i Varhaug og sist på Håland i Varhaug (87.). Dei fekk 7 barn:

1. Simon Motland, f. 9-9 1869, gift i Stavanger 25-4 1893 med Andrea Mathilde Lie, f. i Hetland 20-2 1869. Han var bygningsmann i Stavanger.
2. Anna Jorina, f. 7-8 1871, gift m. Torger Tønnesson Salte (sjå Njærheim 135.).
3. Grete Maria, f. 12-4 1873, gift 3-5 1896 med Gabriel Rangen (sjå Kvia 67.).
4. Andreas, f. 3-9 1876.
5. Sikke Regine, f. 13-3 1878.
6. Justine, f. 8-4 1880, d. i Amerika 10-10 1953, ugift.
7. Sem Motland, f. på Håland 18-11 1884, d. på Nærbo 26-10 1904.

32. Gunnar Nilsson Sør-Reime, son til 23., f. 14-2 1826, d. 15-3 1907, ugift. Gunnar var huseigar i 1875 og brukte eit jordstykke som Tønnes Jonson åtte.

33. Ole Mikal Olson Hadland var son til Ola Olson Hadland i Ogna og kona Anna Ivarsdr. frå Hognestad. Farfar hans, Ola Olson Hadland, var frå Torland og var farbror til Ola Jonson Sør-Reime. — Ole Mikal var f. 24-2 1823, d. 16-7 1911, gift 30-8 1847 med Anna Johanna Larsdr. Lende, f. 5-7 1819, d. 27-4 1884, dotter til Lars Jonson Lende i Time og kona Berta Elisabet Larsdr. frå Bore, gift 2) 4-6 1889 med Berta Rasmusdr. Bekkeheien, f. 31-8 1842, d. 30-4 1929 (sjå Høyland 86. 5.). Ole Mikal var los. I 1856 kjøpte han 12 sp. av Jonas Torgerson for 2600 spd. I 1880 selde han saman med dei andre oppsitjarane retten til den taren som dei sjølv ikkje brukte, til M. Nygaard og P. Øglænd, for 40 kroner pr. år. Han hadde 5 barn i første gifte:

1. Ole Andreas Sør-Reime, f. i Ogna 2-7 1847 (40.).
2. Berta Elisabet, f. i Ogna 15-7 1849, d. 22-1 1855.

3. Justina, f. i Oгна 1854, gift med Andreas Pederson (41.).
4. Anna Taletta, f. på Sør-Reime 7-12 1856, d. 21-4 1927, ugift.
5. Lars, f. 13-10 1860, d. 19-10 1862.

34. Hans Olson Salte var son til Ola Rasmusson Salte og kona Ingeborg Malena Helgesdtr. frå Haugland i Time. Han var f. 5-12 1813, d. 28-11 1899, gift 1) 7-4 1848 med Marta Asbjørnsdtr. Njærheim, f. 1814, d. 10-4 1852 (Njærheim 84. 3.), gift 2) i Klepp 17-12 1852 med Elisabet Omundsdtr. Horpestad, f. 8-1 1815, d. 17-4 1886, dotter til Omund Svenson Horpestad i Klepp og kona Kirsten Eivindsdtr. Katteland. Hans Olson var los. I 1867 kjøpte han 3 sp. av Jonas Torgerson Husveg for 200 spd. Han fekk ein son i første gifte og 2 i andre:

1. Ola Hansson Sør-Reime, f. 21-1 1850 (36.).
2. Martin Hansson Sør-Reime, f. 17-12 1853 (37.).
3. Omund Hansson Sør Reime, f. 16-1 1856 (38.).

35. Kristian Larsson Bø (sjå Bø 104.). Me såg at han var gift 1) med enkja Elisabet Adnesdtr. Bø frå Garborg, syster hans Eivind — far til Arne Garborg, og då ho var død, vart han gift 2) 15-7 1881 med Rakel Jorina Olsdtr. Torland, f. 1-3 1850, d. 18-7 1897 (Torl. 49. 7.). Kristian kjøpte bnr. 4 av Sem Simonson i 1881. Han hadde 3 barn i første gifte og 4 i andre:

1. Helmik Sør-Reime, f. 15-5 1858 (43.).
2. Lars, f. 21-5 1861, d. 25-2 1866.
3. Lars Bernhard Kristianson Bø, f. 29-4 1866, gift 25-6 1892 med Elisabet Marie Osmundsdtr.. Nygaard på Stangeland i Høyland, f. 25-12 1870. — Han var snekkar og trelasthandlar i Sandnes.
4. Elisabet, fødd på Sør-Reime 9-4 1883, gift 16-2 1909 med enkjemann Elling Sem Erikson Kvaselbakken (Hobberstad 54.).
5. Ole, f. 23-3 1884. Reist til Amerika.
6. Berta Kirstina, f. 7-2 1886, gift med Helmik Rangen (Kvia 70.).
7. Ingvald, f. 10-3 1888. Reist til Amerika.

36. Ola Hansson, son til 34., f. 21-1 1850, d. 29-4 1924, gift 19-3 1878 med Elen Kirstine Tønnesdtr. (27. 1.), f. 2-4 1849. Ola Hanson var los. I 1879 kjøpte han eit stykke av austre vollen av Sem Simonson, bnr. 6, av skuld 6 skill, eller 10 øre. Dei fekk 2 barn:

1. Tønnes, f. 27-7 1879, d. 5-7 1897.
2. Marta Serina, f. 2-3 1882, gift 11-1 1908 med Erik Olson Salte (45.).

37. Martin Hansson, bror til 36., f. 17-12 1853, d. 5-10 1905. Han omkom ved skipet Camillas forlis. Gift 1-8 1882 med Berta Ellingsdtr. Herigstad, f. 1-7 1862, d. 19-2 1930, dotter til Elling Ivarson Herigstad i Varhaug og kona Akseliana Pedersdtr. frå Anestad (Herigstad 60. 1.). Martin var los, — og det var under losing av nemnde skip at han omkom. — I 1887 kjøpte han ein part av faren sitt bruk, bnr. 7 av skuld 48 øre. Dei fekk 12 barn:

1. Hans Martinson Sør-Reime, f. 31-10 1882 (44.).
2. Elling Sør Reime (Reime), fødd 1-3 1884, død 1942, gift med Emma Jørgine frå Kvitsøy. Han var skipsfører, seinare los på Kvitsøy. Kom bort på sjøen.
3. Enevald Sør-Reime, f. 29-10 1885, gift med Anna Johanna Andreasdtr. Sør-Reime (41. 1.). (Sjå Haugland i Varhaug 40.)
4. Anton Sør-Reime, f. 13-1 1888, d. 4-4 1893.
5. Martin Sør-Reime, f. 26-5 1889, d. i Montana 18-1 1962, gift med Carol Lundberg.
6. Bernhard Sør-Reime, fødd 23-8 1891. Reist til Amerika.
7. Anna Sør-Reime, f. 25-7 1894.
8. Elisabet Sør-Reime, f. 15-1 1896.
9. Jonas Sør-Reime, f. 22-8 1897. Reist til Amerika.
10. Anton Sør-Reime, f. 8-11 1899. Reist til Amerika.
11. Eivind Sør-Reime, f. 4-11 1901. Reist til Amerika.
12. Berta Sør-Reime, f. 24-10 1904, d. 25-2 1905.

38. Omund Hansson, bror til 37., var f. 16-1 1856, d. 26-7 1939. Gift 1-3 1888 med Mathea Mikalsdtr. Motland, f. 17-2 1861, d. 5-5 1925 (sjå Motland 23. 2.). Omund kjøpte % av faren sitt bruk i 1887, bnr. 2 av skuld 1 mark 38 øre. Dei hadde 6 barn:

1. Elisabet O. Sør-Reime, fødd 10-2 1889, gift 21-11 1914 med Ole Andreas Mortenson Årsland (Årsland, Varh. 46.).
2. Lise Marie Sør-Reime, f. 16-11 1890.
3. Hans Omundson Sør-Reime, fødd 15-9 1893 (50.).
4. Magnus Sør-Reime, f. 20-3 1898, d. 5-6 1925, ugift.
5. Magnhild Sør-Reime, f. 4-7 1901.
6. Olina Sør-Reime, f. 9-5 1905.

39. Nils Tønnesson, son til 27. Fødd 1-1 1851, død 6-7 1934. Gift 10-11 1881 med Rakel Gurina Hansdotter Reime (Reime 37.), fødd 9-1 1858, død 8-1 1931. Nils kjøpte bnr. 1 av faren i 1876 for 450 dalar og folge. Dei fekk 5 barn:

1. Tønnes N. Sør-Reime, f. 25-2 1883, d. 14-7 1939, ugift.
2. Hans N. Sør-Reime, fødd 20-11 1886 (48.).
3. Maren Kirstine Nilstr., f. 16-6 1890, gift 25-8 1923 med Ole Johan Pederson Egeland, f. i Vanse 25-4 1875, d. 16-1 1963. Misjons-sekr., busett på Hinna.
4. Gunnar Sør-Reime, f. 21-1 1893 (49.).
5. Rakel Gurina Sør-Reime, f. 25-8 1898. gift med Ole Mikal O. Sør-Reime (46.).

40. Ole-Andreas Ole-Mikalson, son til 33., var fødd i Ogna 2-7 1847, død 4-8 1930. Gift 1) i Varhaug 7-8 1883 med Maria Pauline Ivarsdotter Kydland, fødd på Vatnemo i Ogna 11-1 1850, død 11-12 1883 (sjå Kydland, Varh. 30. 2.). Gift 2) 29-3 1887 med Ane Pedersdr. Skretting, fødd 15-10 1865, død 25-4 1957 (sjå Skretting, Varh. 100. 4.). Ole Andreas kjøpte halve farsgården, bnr. 8 av skuld 3 mark 80 øre, i 1888 (Midt-Reime). Han hadde 9 barn i andre gifte:

1. Maria Pauline Ole-Andreasdr., f. 5-7 1888, gift med Hans Nilsson Sør-Reime (48.).
2. Anna Johanna Ole-Andreasdr., f. 3-10 1890, gift 5-6 1915 med Torleif Torland (Torland 75.).
3. Anna Ole-Andreasdr., f. 9-10 1892.
4. Berta Elisabet Ole-Andreasdr., f. 10-11 1894, gift 27-10 1923 med Olaf Bernhard Erikson Nese i Klepp.
5. Ole Mikal O. Sør-Reime, f. 4-8 1896 (51.).
6. Pauline Ole-Andreasdr., f. 16-2 1899, gift med Gunnar Nilsson Sør-Reime (49.).
7. Peder Ole-Andreasson, f. 7-11 1901, d. 22-7 1933.
8. Alfred Olai Ole-Andreasson, f. 2-5 1907.
9. Lisa Ole-Andreasdr., f. 10-6 1912, gift 10-6 1950 med Børge Skjørestad, Riska.

41. Andreas Pederson Skretting — (sjå Skretting, Varh. 100. 2.). Han var fødd 7-7 1859, død 20-2 1922. Gift 1) 26-11 1886 med Justine Ole-Mikalsdotter Sør-Reime (33. 3.), fødd i Ogna 24-5 1854, død 8-4 1903. Gift 2) 4-12 1903 med Rakel Maria Ellingsdr. Rongen, fødd 1-2 1876, død 20-1 1939 (sjå Kvia 44. 1.). Andreas Pederson kjøpte halve bruket av Ole-Mikal Olson, bnr. 3 av skuld 3 mark 80

øre. Han hadde 6 barn i første gifte og 6 i andre:

1. Anna Johanna Andreasdr., f. 19-8 1887, gift m. Enevald Martinson Sør-Reime (37. 3.).
 2. Ole Mikal Andreasson, fødd 5-2 1889 (nr. 46).
 3. Peder A. Sør-Reime, fødd 9-2 1891 (47.).
 4. Anna A. Sør-Reime, f. 31-3 1894, gift med Rasmus Jonasson Reime (sjå Skjærpe 51.).
 5. Berta Elisabet A. Sør-Reime, f. 7-1 1896, d. 3-2 1951, ugift.
 6. Andrea Justine, f. 6-5 1898. Død.
 7. Sina Sør-Reime, f. 11-2 1904.
 8. Elling A. Sør-Reime, f. 28-7 1905, gift 2-11 1935 med Karlotte Ivarsdotter Bjorland (Bjorland 27. 4.), fødd 8-6 1908. Han er sjåfør på Nærbø.
 9. Ragna Maria A. Sør-Reime, fødd 1-6 1907, gift 20-1 1934 med Jon Olson Salte, f. 23-4 1903.
 10. Alfred A. Sør-Reime, f. 20-2 1909.
 11. Helga A. Sør-Reime, f. 20-10 1910, gift med Jakob O. Vigre (Vigre 63. 4.).
 12. Petra A. Sør-Reime, f. 4-11 1912, gift 30-6 1934 med Kristian Høyland, f. 11-11 1909 (Høyland 168. 2.).
42. Tobias Pederson Sør-Reime, son til 30., var fødd 6-3 1868, død 31-1 1949. Gift 1) 30-10 1890 med Rakel Serina Rasmusdotter Bratland, fødd 23-8 1864, død 20-3 1898 (Bratland, Varh. 25. 1.). Gift 2) 28-2 1901 med Elen Karlsdotter Lerbrek, fødd 24-4 1880, død 11-12 1962 (Lerbrek, Varh. 34. 4.). Tobias Pederson brukte farsgården, bnr. 5. Han hadde 2 barn i første gifte og 5 i andre:
1. Anna Kirstine, f. 15-9 1891, d. 24-1 1893.
 2. Anna Kirstine, f. 1-12 1893, gift 28-8 1915 med Peder Bertin Olson Høyland (sjå Høyland 184.).
 3. Peder T. Sør-Reime, f. 6-3 1902 (53.).
 4. Karl T. Sør-Reime, f. 25-10 1904, gift 26-6 1930 med Berta Hobberstad, f. 17-8 1905 (Hobberstad 52. 3.). Bur på Lerbrek.
 5. Ragnvald Sør-Reime, f. 27-2 1909, d. 16-9 1966, gift 11-3 1950 med Anna Flåt. Sjåfør på Nærbø.
 6. Ingvald T. Sør-Reime, f. 25-12 1910, gift 26-11 1938 med Tora Hobberstad, f. 29-9 1915 (Hobberstad 52. 8.). (Sjå nr. 55.)
 7. Trygve T. Sør-Reime, f. 3-10 1913, gift med Maria Olsdr. Djøseland, f. 15-10 1915 (Djøseland, Varh. 56. 5.). Bur på Sør-Reime, bnr. 6, kjøpt i 1949.

43. Helmik Kristianson, son til 35., fødd på Bø 15-5 1858, gift 8-12 1893 med Herborg Johannesdotter Obrestad, fødd 27-4 1861, død 18-10 1923 (Obrestad 31. 2.), Helmik tok over bnr. 4 etter faren i 1897. Dei fekk 5 barn:

1. Kristian H. Sør-Reime, f. 30-4 1896. Han tok over bruket etter faren i 1936.
2. Elisabet Olava, f. 5-8 1898.
3. Jon H. Sør-Reime, f. 26-7 1900. Bur på Sør-Reime, ugift.
5. Arne H. Sør-Reime, f. 1-3 1902.
6. Hanna Helmine Sør-Reime fødd 17-11 1903, gift 2-4 1927 med Ragnvald Reiestad (Reiestad, Varhaug 46. 3.).

44. Hans Martinson Sør-Reime, son til 37., fødd 31-10 1882, d. 28-2 1965. Gift 20-8 1910 med Regina Olsdtr. Vigrestad, fødd 28-5 1886 (Vigrestad, Varh. 47. 7.). Hans tok over bnr. 7 etter faren i 1906. Dei har 5 barn:

1. Berta Hansdtr., f. 11-11 1910, gift med Peder T. Sør-Reime (53.).
2. Martin H. Sør-Reime, f. 1-3 1912. Tok over bnr. 7 i 1947.
3. Olaf Sør-Reime, f. 19-10 1914, gift 1941 med Svanhild Risa, f. i Stavanger 9-10 1921. Bur på Grødalaland, bnr. 3.
4. Hans H. Sør-Reime, f. 23-5 1918, gift med Agnes Taletta, Reiestad 54. 2.). Møbelsnikker på Vigrestad, seinare i Amerika.
5. Johanna H. Sør-Reime, f. 27-5 1924, gift med Kåre Lie-Bjelland, Sandnes.

45. Erik Olson Salte, son til Ola Rasmusson Store Salte i Klepp (Brendarholen) og kona Serina Eriksdtr. frå Friestad. Fødd 13-11 1886, gift 11-1 1908 med Marta Serina Olsdotter Sør-Reime, fødd 2-3 1882 (36. 2.). Brukte bnr. 6 etter Ola Hansson, men flutte til Re og seinare Skankeholen.

46. Ole Mikal Andreasson Sør-Reime, son til 41., fødd 5-2 1889, død (1939?). Han brukte bnr. 3 etter faren, og var ugift.

47. Peder Andreasson, bror til 46., var fødd 2-9 1891. — Gift 1918 med Marta Jonasdtr. Reime, fødd 26-4 1894 (Ødemotland 18. 5.). Peder kjøpte bnr. 6 av Erik Olson, som han selde til Peder R. Obrestad og tok over farsgården etter broren Ole Mikal i 1940. Barn:

1. Alf P. Sør-Reime, fødd 21-3 1919, gift 1941 med Margit T. Bø, f. 19-11 1920 (Bø 157. 10.). Sjåfør på Nærbø.
2. Jonas P. Sør-Reime, f. 2-9 1921, gift med Gudveig Lode (Lode 81. 3.).

48. Hans Nilsson Sør-Reime, son til 39., fødd 20-11 1886. Gift 15-8 1914 med Maria Pauline Ole-Andreasdtr. Sør-Reime (40. 1.), fødd 5-7 1888, død 6-10 1968. Hans og broren Tønnes skifte farsgården kring 1920, og då Tønnes døde ugift tok broren Gunnar over hans part. Hans har bnr. 9. Dei har 7 barn:

1. Nils H. Sør-Reime, f. 2-11 1916.
2. Ole H. Sør-Reime, f. 29-1 1919, gift med Maria Rolfsnes, f. i Bremnes 22-9 1919.
3. Harald H. Sør-Reime, f. 25-7 1923, gift 1951 med Norveig Ramsli.
4. Rakel Gurina, f. 25-9 1920, d. 1948, gift med Omund Johan Mellestrand (sjå Njærheim 146. 6.).
5. Astrid H. Sør-Reime, f. 12-1 1926, gift med Hans Langemyr.
6. Målfrid H. Sør-Reime, f. 8-2 1929, gift med Einar Rekve, Voss.
7. Gudrun H. Sør-Reime, f. 1-9 1932.

49. Gunnar Nilsson, bror til 48., fødd 21-1 1895. Gift 20-6 1942 med Pauline Ole-Andreasdotter Sør-Reime (40. 5.), fødd 16-2 1899, død 4-5 1951. Han brukar bnr. 1 etter faren og broren Tønnes. Dei fekk ei dotter:

Ranveig Aud, f. 3-11 1943, gift 1965 med Sven Undheim.

50. Hans Omundson Sør-Reime, son til 38., f. 15-9 1893, d. 16-10 1966. Gift 4-10 1941 med Valborg Moi, fødd i Bjerkreim 1904, død 9-5 1957, dotter til Nils Retsius Martinson Moi og kona Vidia Olsdtr. — Hans Omundson tok over farsgården, bnr. 2, i 1935. Son:

Ommund H. Sør-Reime, f. 1942 (60.).

51. Ole-Mikal Ole-Andreasson (Ole O. Sør-Reime), fødd 4-8 1896. Gift 1-8 1936 med Rakel Gurine Nilsdotter Sør-Reime, fødd 25-8 1898 (39. 6.). Han tok over faren sitt bruk, bnr. 8, i 1925. Barn:

1. Agnes, f. 5-8 1937, gift 1966 med Asbjørn Natås.
2. Ole, f. 16-2 1939, gift 1968 med Else Reime.
3. Gunvor, f. 1-4 1941, gift 1966 med Harald Oftedal, Lunde.
4. Norund, f. 5-6 1943.

52. Kristian Helmikson, son til 43., fødd 30-4 1896. Tok over bnr. 4 etter faren i 1936. Han er ugift.

53. Peder Tobiasson Sør-Reime, son til 42., fødd 6-8 1902. Gift 13-12 1928

Berta Hansdotter Sør-Reime (44. 1.), f. 11-11 1910. Han tok over bnr. 5 etter faren i 1934. Barn:

1. Toralf, gift 1959 med Gjertrud Malena Ueland.
2. Håkon (59.).
3. Elen, gift 12-4 1958 med Kåre R. Opstad.
4. Per P. Sør Reime.
5. Ragnhild Sør-Reime, — gift 1955 med Sigvald Hobberstad.
6. Ragnar Sør-Reime.
7. Johan Sør-Reime.
8. Bjørg Sør-Reime.

54. Trygve T. Sør-Reime, bror til 53., f. 3-10 1913. Gift 1937 med Maria Olsdtr. Djøseland, f. 15-10 1915 (Djøseland, Varhaug 56. 5.). Han kjøpte bnr. 6 i 1949 av Peder Obrestad, eller kanskje det var av Edvard Sola? Selde seinare til Alfred Olai Sør-Reime. — Barn:

1. Malena Sør-Reime, f. 3-8 1938.
2. Oliver Sør-Reime, f. 3-12 1939.
3. Terje Sør-Reime, f. 27-5 1941.
4. Einar Sør-Reime, f. 2-2 1945.

55. Ingvald T. Sør-Reime, bror til 54., f. 25-12 1910. Gift 1938 med Tora Hobberstad, fødd 29-9 1915 (Hobberstad, Varh. 52. 8.). — Ingvald Sør-Reime bureiste i

Sørreims-marka i 1937, Dalbakken bnr. 10. — Barn:

1. Elaug Sør-Reime, fødd 14-5 1939, gift med sjåfør Larsen.
2. Ruth Sør-Reime, f. 26-1 1941, gift 1961 med Kjell-Erling Heimdal.
3. Torunn Sør-Reime, f. 14-5 1942, gift med Tor Asbjørn (Njærheim 170. 3.).
4. Helga Sør-Reime, f. 17-10 1943.
5. Hjørdis Sør-Reime, f. 11-6 1945, gift 1964 med Sigmund Jonassen.
6. Ingfrid Sør-Reime, f. 15-8 1946, gift 1968 med Jens Berg.
7. Ingvar Sør-Reime, f. 15-5 1948.
8. Lilly Sør-Reime, f. 22-3 1950.

56. Martin Hansson Sør-Reime, son til 44., fødd 1-3 1912. Han tok over bnr. 7 etter faren i 1947.

57. Nils Hansson Sør-Reime, son til 48., fødd 2-11 1916. Han tok over bnr. 9 etter faren.

58. Ole Hansson Sør-Reime, bror til 57., fødd 29-1 1919. Gift med Maria Rolfsen, fødd i Bremnes 22-9 1919. Han tok over bnr. 1 etter farbroren Gunnar Nilsson.

59. Håkon P. Sør-Reime, son til 53. Gift med Marit O. Varhaug, fødd 24-8 1935 (Sør-Varhaug 135. 5.).

G.nr. 14. Grødaland

Namnet Grødaland kjem av grjot som tyder gråstein. — Stavemåten har vore Grøtteland og Grødeland. Garden hadde ei kom landskuld på 1 pund = 30 spand i 1723, og har vore bondegods heile tida. Strekkjer seg frå Sør-Reime i nord til Nord-Varhaug i sør og skifter med Djøseland og Hobberstad i aust, mot vest til sjøen.

Lendet er flatt og steinut med ymse myrar og tjørn. Dei to gamle-tuna med hus frå 1790-åra og 1830-åra har Rogalands Folkemuseum teke over og steilt til og innreida etter deira opphavelige skipnad.

NAMNEREGISTER

1. Livard 1519/21
 2. Thordt 1563
 3. Amundt 1591
 4. Lasse 1602/03
 5. Torgud 1613
 6. Siuord 1617
 7. Gunbjørn Grødeland
 8. Paul Gunbjørnson
 9. Torstein Paulson
 10. Tjærånd Erikson Nærland
 11. Torstein Tjæråndson
 12. Tjærånd Larsson Husveg
 13. Lars Tjæråndson
 14. Jens Tjølsen Nærland
 15. Jens Jensson Grødeland
 16. Tore Toreson Erga
 17. Paul Tjæråndson Reime
 18. Tjærånd Paulson Grødeland
 19. Tobias Toreson
 20. Kristian Larsson Tvihaug
 21. Peder Tjæråndson Grødeland
 22. Jonas Abrahamson Nord-Varhaug
 23. Abraham Grødeland
 24. Tore Kristianson Grødeland
 25. Jens Grødeland
 26. Sven P. Grødeland
 27. Knut K. Grødeland
 28. Olav H. Sør Reime
 29. Sven S. Grødeland
 30. Per H. Reime
1. **Livard** er nemnd på Grødaland i 1519 og 1521.
 2. **Thordt** er nemnd i 1563. Tore på Grødeland bømte 1/2 dalar i 1567 fordi han hadde hogt Halvard Kvia.
 3. **Amundt** nemnd i 1591, då han var med på hyllingstinget i Oslo.
 4. **Lasse Grødeland** er nemnd 1602/03.
 5. **Torgud** er nemnd i 1613.
 6. **Siuord (Sjur)** nemnd i 1617.
 7. **Gunbjørn Grødeland** gav 6 spand leidang i 1624. Han var truleg den same som er nemnd på Ånestad i Varhaug i 1602. Hans son var nok:
 8. **Paul Gunbjørnson Grødeland** som er nemnd i 1645 og 1665. Han var laugrettesmann i 1655. Fødd kring 1590, død 1673, skifte etter han 13-3 det året. Kona heitte Anna Olsdotter og var dotter til Olluf Gausland (sjå der 2.). Ho døde i 1674, då der var skifte etter henne 22-6. (Sjå Tingbok I side 239.) Ved skifte etter både Paul og kona er nemnde 4 barn:
 1. Gunbjørn Paulson, var utanlands.
 2. Torsten Paulson Grødeland, fødd 1630 (sjå 9.).
 3. Gitlaug, gift 1) med Rasmus Olson Friestad i Klepp, gift 2) med Anders Ingebretson Friestad frå Gruda.
 4. Ragnhild Paulsdtr., gift med Daniel Olson Vig, Klepp.
 - (5.) Ingeborg Grødeland var for retten i 1672 for leiermål med Ola Svenson

Øvre Haugland i Time. (Sjå Tingbok I side 221.)

9. **Torsten Paulson Grødal**, fødd kring 1630, død før 1665. Han hadde vore gift med Herborg Rasmusdotter Tjemsland, (Nord-Tjemsland, Varh. 6. 6.) som sidan var gift med Tjærland Erikson. Torsten og Herborg hadde 3 barn:

1. Rasmus Torstenson Mossige, f. 1661, gift med enkja etter Sven Toreson Mossige, Karen Torkelsdtr.
2. Anna Torstensdtr., gift 1) med enkjemann Jon Erikson Hobberstad, gift 2) med Rasmus Einarson Hobberstad (sjå Hobberstad, Varhaug 25. og 29.).
3. Berit Torstensdtr., gift med Sven Rasmusson Hårr (Hårr 24.). (Sjå Tingbok II side 88 og 182.)

10. **Tjærland Erikson Nærland** (Nærland 9. 2.), var fødd kring 1635, død 1695, skifte 12-6 det året. Gift med enkja etter Torsten Paulson, Herborg Rasmusdotter. Tjærland brukte 15 spand i 1665, som Torsten Paulson hadde brukt, og Paul Gunbjørnson brukte dei andre 15 spand. Han fekk 3 søner:

1. Torsten Tjærlandson Grødal, fødd 1664 (11.).
2. Erik Tjærlandson Ogna, gift 1) med Tala Rasmusdtr. Ogna, gift 2) med Anna Gabrielsdtr. Braut (sjå Sæland, Varhaug 7.).
3. Jon Tjærlandson Vestly, f. 1667, gift med Malena Omundsdr. Reime (Reime 11. 7.). Han budde på Vestly og var klokkar i Time.

(Tjærland Erikson står som eigar av 5 vett, heile Grødal, i 1675, som han hadde kjøpt av Peder Olson Njå, Eivind Ivarson Opstad og kona hans Sven Fjermostad i 1673.)

11. **Torsten Tjærlandson**, son til 10., var fødd kring 1665, død 1743. Gift med Anna Tjærlandsdotter Haugland, dotter til lensmann i Haugland skibreide, — Tjærland Erikson Braut og kona Berit Olsdtr. Foss Eikeland. Dei var trimenningar. Torsten kjøpte 22 sp. i Grødal med skjøte 10-3 1701 av brørne Jon, Erik og Rasmus Mossige og halvsøstrene Anna og Berit, dei andre 8 spand var arvegods. Han åtte og 16 spand i Øvre Time, som han selde til Bård Klengson i 1729, og i 1739 selde han ein fjerdepart i Haavågs Laksefiske til Jon Tollakson Skeie, som sonen, Paul Torstenson hadde kjøpt av salig Kommerseråd Valentinsen i 1738. Torsten

Tjærlandson åtte og 6 spand i Tunheim og 6 spand i Håland i Time. Då lensmann Erik Jonson Hobberstad, som var son til Torsten si halvsøster, døde i 1730, vart Torsten Grødal konstituert lensmann i Kvia. I 1737 vart der usemja millom Torsten Grødal og Jon Tollakson Skeie om laksefiske i Haavåg. (Sjå om det i Tingbok V side 168.) I 1739 vart Torsten Grødal innblanda i ei brennevin-sak som var føre i mange Tingsæter. (Sjå Tingbok V side 167, 225, 243, 260, 307, 274, 323, 327 og Tingbok VI side 43 og 246.)

Den 3. desember 1714 brann alle husa på Grødal med avling og 5 naut, 3 hestar og nokre sauer.

Ved skiftet etter Torsten Grødal den 13-12 1742 og 3-1 1744, vart jordegodset skift såleis: Dottera Herborg fekk 6 spand i Grødal og 6 spand i Auestad. Dottersonen, Torsten Olson Reime fekk 2½ spand i Tunheim. Dotterdottera, Anna Jonsdotter, fekk 1½ spand i Grødal og 1½ spand i Tunheim. Ho måtte anten vore dotter til Jon Erikson Hobberstad eller Jon Ellingson Njølstad, men eg har ikkje visst at noken av dei hadde ei dotter som heitte Anna. Dottera, Ragnhild Torstensdtr. fekk 6 spand i Grødal og 6 i Tunheim. Torsten og Anna Grødal hadde 7 barn:

1. Berit Torstensdotter, gift 1) med Ola Omundson Reime (Reime 15.), gift 2) med enkjem. Jon Ellingson Njølstad (Njølstad 7.).
2. Herborg Torstensdtr., gift m. Tjærland Larsson (nr. 12).
3. Ragnhild Torstensdtr., f. 1710, gift 1) med Jon Erikson Hobberstad (Hobberstad 32.), gift 2) med Ola Nilsson Sør Reime (S-Reime 16.).
4. Anna Torstensdtr., f. 1716, gift med lensmann Torsten Erikson Hobberstad (Hobberstad 33.).
5. Torsten Torstenson, f. 1699, død ugift.
6. Paul Torstenson, f. 1703 (Nærl. 18B.).
7. Peder Torstenson, f. 1705, d. før faren.

12. **Tjærland Larsson Husveg** (sjå Husveg 15. 2.) var fødd kring 1697. Han var gift med Herborg Torstensdotter Grødal (11. 1.). Han budde først på Sør-Reime (sjå der 15.). Men då Torsten Grødal var død i 1742, flutte han til Grødal, og fekk skjøte i 1744 på 24 spand i Grødal av Jon Ellingson Njølstad med fleire, for 79 riksdalar. Den 3-7 1748 selde Tjærland Grødal og Knut Auestad 12 spand i Auestad til Gunnar Tjølson Frestad i Ogna. Som me har set under Nær-

land 19., hadde Tjærand Jonson Nærland reist odels-søksmål på Grødalaland. Tjærand Larsson var syskenbarn til kona hans Torsten Tjærandson, Anna Tjærandson. Tjærand Larsson heldt skifte i 1757, og då gjekk 23 spand i Grødalaland til Joron Jonsdtr. Kvalbein, og 7 spand til sonen Lars Tjærandson, som var gift med Joron si syster, Elen Jonsdtr. Truleg er det dette skiftet som var grunnen til Tjærand Nærland sitt odels-søksmål året etter. Om barna hans Tjærand Larsson sjå Sør Reime 15.

13. Lars Tjærandson Grødalaland, son til 12., var fødd på Sør-Reime, død 1794, gift 1) med Elen Jonsdotter Kvalbein, fødd 1726, død 1788, dotter til Jon Larsson Kvalbein, som var farbror til Lars Tjærandson, og kona Karen Toresdotter Kvalbein, gift 2) 19-10 1788 med Berta Hansdotter Obrestad, fødd kring 1769 (Obrestad 20. 6.). — Lars Tjærandson kjøpte 23 sp. i Grødeland av Joron Jonsdtr. Kvalbein i 1757 for 69 rdl. Han var barnlaus, og då han var død, selde enkja dei 30 sp. i Grødeland til bror sin, Gunnar Hansson Obrestad på auksjon i 1795 for 1750 rdl. Eg har ikkje sett skifte etter Lars Tjærandson, men truleg har enkja fenge lånt pengar av broren til å betala ut arvingane med, og så har Gunnar fenge pant i garden.

14. Jens Tjølson Nærland (Nærland 20. 3.), fødd kring 1757, død 16-6 1830, gift 24-2 1796 med enkja etter Lars Tjærandson, Berta Hansdtr. som døde 25-7 1856. Jens løyste inn bruket av Gunnar Obrestad i 1795 for 1799 rdl. Dei fekk 9 barn:

1. Berta Jensdtr., f. 4-11 1798, gift med Paul Tjærandson (18.).
2. Lars, f. 21-9 1800, d. 27-12 1827 av av nervefeber, ugift.
3. Kirsten, f. 17-10 1802, d. 21-1 1828, nervefeber, ugift.
4. Tjøl, f. 24-10 1804, d. 3-2 1828, nervefeber, ugift.
5. Anna, f. 9-6 1806, d. 21-1 1828, nervefeber.
6. Ingeborg, f. 22-2 1808, gift med Tore Toreson (16.).
7. Hans, f. 14-11 1809, d. 11-11 1827, nervefeber.
8. Jens Jensson Grødeland, f. 1-11 1811 (15.).
9. Elen, f. 26-8 1813, d. 3-2 1828, nervefeber.

15. Jens Jensson Grødeland, f. 1-11 1811,

d. 20-10 1830. Han bleiv på sjøen. Då alle dei andre sønene var døde av nervefeber, skreiv faren bruket over på Jens i 1828 for 350 spd. + folge til foreldra. — Då faren var død i 1830, selde Jens halve bruket, 15 sp. til verbroren, Tore Toreson, for 200 spd. + i/2 folge til mora. Då Jens døde same året, ugift, selde arvingane, mora og dei 2 systrene, Berta og Ingeborg, dei 15 spand til Paul Tjærandson Reime (sjå Reime 27.) i 1831.

16. Tore Toreson Erga var son til Tore Monsson Erga i Klepp og kona Berta Tøresdtr. frå Orre. Han var f. 3-4 1801, d. 5-11 1885, gift 24-3 1830 med Ingeborg Jensdtr. Grødeland, f. 22-2 1808, d. 8-2 1874 (14. 6.). Tore kjøpte 15 sp. av Jens Jensson i 1830 for 200 spd. + folge til foreldra. — Det er likt til at dette kjøpet var slutta før Jens Tjølson var død, for han er med i folga. Tore var halvbror til Tønnes Jonson Sør-Reime, og i 1833 selde han 4y2 sp. i Erga til han for 50 spd. (sjå Sør-Reime 27.). — Tore og Ingeborg fekk 12 barn:

1. Jens, f. 30-5 1831, d. 5-10 1850, ugift.
2. Berta Elisabet, f. 22-2 1833, gift med enkjemann Hans Pederson Obrestad (Obrestad 35.).
3. Berta, f. 23-8 1834, d. 17-9 1836.
4. Tobias Toreson Grødeland, f. 30-6 1836 (19.).
5. Berta Jorina, f. 12-2 1838, gift med Kristian Larsson (20.).
6. Anna Kirstina, f. 13-9 1839, d. 13-12 1841.
6. Anna Kirstina, f. 2-2 1842, gift 11-4 1867 med Peder Nilsson Sør-Reime (Sør-Reime 30.).
8. Elen, f. 10-10 1843, gift 19-10 1865 med Torsten Pederson Odland i Varhaug (sjå der 44. 7.).
9. Hans Toreson, f. 2-8 1847, d. 11-3 1869, nervefeber, ugift.
10. Ingeborg Tomine, f. 1-10 1849, d. 16-7 1909, ugift.
11. Jens Toreson, f. 9-6 1851.
12. Anne Bergitte, f. 2-8 1855, d. 19-6 1875.

17. Paul Tjærandson Reime (Reime 27.), fødd kring 1774, d. 24-3 1868, gift 9-10 1820 med Berta Jensdtr. Grødeland (14. 1.), f. 4-11 1798, d. 18-3 1898. Paul budde på Reime til 1831, då han kjøpte 15 sp. i Grødeland etter verbroren, Jens Jensson. Dei fekk 7 barn. Dessutan hadde Paul ein son u. e. med gjenta Anne Berte Olsdtr. Voll:

1. Paul Paulson Aniksdal, f. på Voll i

- Varhaug 2-4 1819, gift 10-12 1845 med enkja Marta Eriksdr. Aniksdal, Varhaug (sjå Aniksdal 56.).
2. Margreta Paulsdr., f. 1825, d. 5-11 1877, ugift.
 3. Berta Kirstina, f. 25-6 1828, d. 16-4 1849, ugift.
 4. Tjærånd Paulson Grødeland, f. 30-3 1829 (18.).
 5. Anna, f. 4-10 1831, d. 30-1 1885, ugift.
 6. Johanna Taletta, f. 4-6 1834, gift 11-10 1858 med Lars Henrikson Meling, 28 år, tolloppsynsman i Stavanger.
 7. Lars Paulson Ånestad, f. 23-12 1836, gift 25-5 1877 med Ane Berte Torstensdr. Ånestad i Varhaug (sjå der 99.).
 8. Jens Paulson Grødeland, f. 18-10 1839, d. som følgemann på Grødeland 11-6 1929, ugift. Jens og broren Lars Ånestad pakta bruket i ei rekkje år medan Peder Tjæråndson ikkje endå var vaksen. Der var også andre som pakta garden i denne tida.
18. Tjærånd Paulson (17. 4.), f. 30-3 1829, d. 24-6 1855. Han var los og drukna på heimvegen frå Stavanger. — Liket vart ikkje funne. Ein mann som var med han berga seg ved å halda seg fast i båten som dreiv inn til stranda nordanfor Revet. Tjærånd var gift 24-6 1852 med Herborg Tjølstdr. Obrestad, f. 22-9 1821, d. 22-4 1858 av nervefeber (Obrestad 30. 1.). Tjærånd kjøpte 15 sp. av faren i 1840 for 150 spd. + følge til foreldra og broren Tjøl. (Tjøl er ikkje nemnd i kyrkjebøkene korkje døypt eller død.) Der var ein ny nervefeber-farang på Grødeland i 1850/60 åra. Han kunne dødt då? Tjærånd og Herborg hadde 1 son:
Peder Tjæråndson Grødeland, f. 25-9 1853 (21.).
- 19. Tobias Toreson Grødeland (16. 4.), f. 30-6 1836, d. 24-5 1869 av nervefeber.** Han kjøpte faren sine 15 sp. i 1864 for 612 spd. + følge til foreldra. Han var ugift.
- 20. Kristian Larsson Tvihaug** var son til Lars Knutson Tvihaug i Varhaug (frå Kvia) og kona Anna Malena Pedersdr. frå Ødemotland (sjå Tvihaug 30. 2.), f. 16-4 1837, d. 8-4 1919, gift 6-7 1865 med Berta Jorina Toresdr. (16. 5.), f. 12-2 1838, d. 10-5 1882. Kristian kjøpte dei 15 sp. etter Tobias Toreson i 1870 for 700 spd. Dei fekk 7 barn.
1. Anna Malena, f. i Stavanger 1866, d. 7-5 1939, ugift.
 2. Tore Grødeland, f. 1868 (24.).
3. Lars Grødeland, f. 14-3 1870, død i Amerika 6-9 1951. Han var gift og budde i Oregon.
 4. Tobias Grødeland, f. 18-12 1871, død i Amerika.
 5. Kristian Grødeland, f. 29-10 1873, gift med Jonda Malena Asheim, f. 8-5 1894. Han var bygningsmann og budde på Grødeland til han gifta seg i 1917. Sidan budde han på Stangeland i Høyland. Han døde 20-9 1926.
 6. Jens Grødeland, f. 10-11 1875 (25.).
 7. Ingeborg, f. 11-7 1878, d. 23-8 s. å.
21. **Peder Tjæråndson** (18. 1.), f. 25-9 1853, d. 6-6 1930, gift 21-3 1878 med Elen Svensdr. Ånestad, f. 12-5 1851, d. 15-4 1891, dotter til Sven Torstenson (Ånestad i Varhaug 71. 4.) og kona Elen Malena Olsdr. Peder vart tilskriven dei 15 sp. etter foreldra i 1859 for 1000 spd. + følge til besteforeldra. — Det var truleg dei som brukte garden dei første åra etter foreldra var døde. Dei fekk 5 barn:
1. Tjærånd Grødeland, f. 16-1 1879, død i Amerika.
 2. Herborg, f. 8-8 1880, d. 13-12 1892.
 3. Elen Malena, f. 29-9 1882, d. 23-4 1948, ugift.
 4. Sven Grødeland, f. 23-5 1885, d. 20-4 1961, gift 22-10 1910 med Anna Justine Olsdr. Lerbrek, f. 13-10 1886, d. 2-9 1935. Han tok over halve farsgarden, bnr. 4, i 1910 (Lerbrek 36. 2.).
 5. Anna Margreta, f. 10-11 1888, gift 2-11 1922 med Hans Hansson Reime (sjå Reime 52. 1.). Dei tok over den andre halve parten, bnr. 1. Deira son: Per, f. 8-6 1925, eig og brukar nå garden. Han har bygt alle husa frå nyom, og dei gamle, som var frå 1790-åra, er selde til Rogalands Folkemuseum.
22. **Jonas Abrahamson Nord-Varhaug** var son til Abraham Torstenson Nord-Varhaug og kona Ingeborg Eriksdr. frå Hobberstad (Nord-Varhaug 31. 9.), f. 10-12 1837, d. 4-5 1902, gift 30-8 1871 med Jørgine Torstensdotter Ånestad, f. 14-4 1848, d. 24-12 1904, dotter til Torsten Einarson Ånestad i Varhaug og kona Lavrensa Ljødesdr. (Ånestad 75. 2.). — Jonas kjøpte halvparten av parten hans Kristian Larsson i 1872 for 2800 kroner, bnr. 3. Dei fekk 6 barn:
1. Abraham Grødeland, f. 20-4 1873 (23.).
 2. Ingeborg, f. 4-9 1875, gift 11-12 1903 med Elias Pederson Djøseland, f. 6-12 1851 (Djøseland i Varhaug 52.).
 3. Torsten Tobias Grødeland, f. 7-8 1877, d. 2-2 1902. Han var skomakar og ugift.

4. Elisabet, f. 18-2 1880, d. 7-12 1913, ugift.
5. Johan Jørgen, f. 4-6 1882.
6. Tobias Grødeland, f. 12-9 1886, gift med Anna Jakobsdtr. Friestad i Oгна, f. 10-8 1884. Målar, seinare handelsmann på Ganddal.
23. **Abraham Grødeland** (22. 1.), f. 20-4 1873, d. 15-10 1945. Han tok over bnr. 3 etter faren. Han var ugift, og i 1941 vart bruket selt til Olav Hansson Sør-Reime. Men Abraham budde på bruket som følge-mann til han døde.
24. **Tore Kristianson Grødeland** (20. 2.), f. (i Stavanger 1868), d. 3-7 1942, ugift. Tore var nokre år i Amerika. Han tok over bnr. 2 etter faren. Då han døde i 1942 tok broren
25. **Jens Grødeland over bruket** (20. 6.), f. 10-11 1875, d. 13-6 1946. Jens var murar. Han var ugift, og då han var død tok barna til broren Kristian over garden. — Dei selde til Nærbo Skogselskap, som igjen selde den dyrka jorda til dei andre 3 brukarane, og husa gav dei til Rogalands Folkemuseum.
26. **Sven P. Grødeland**, f. 23-5 1885, d. 20-4 1961, son til 21. Gift 22-10 1910 med Anna Justine Lerbrek, f. 13-10 1886, d. 2-9 1935 (sjå Lerbrek, Varhaug 36. 2.). Sven Grødeland tok over ein part av fars-garden, bnr. 4, i 1910. Barn:
1. Elen Grødeland, f. 25-5 1912.
 2. Peder Grødeland, f. 1-4 1914. Sjømann. Gift i England. Bur i Liverpool.
3. Ole Grødeland, f. 20-9 1917. Smed.
4. Tora Grødeland, f. 8-3 1915, gift 25-11 1944 med Toralf Kleppe, Helle.
5. Tjærاند Grødeland, f. 6-8 1919. Snik-kør
6. Sven S. Grødeland, f. 6-6 1922 (29.).
7. Anna Grødeland, f. 11-12 1923.
8. Rasmus Grødeland, f. 30-3 1928.
27. **Knut K. Grødeland**, son til Kristian K. Grødeland og Malena, f. Asheim (sjå 20. 5.). Han tok over bnr. 2 etter far-brørne Tore og Jens Grødeland i 1946. Han er arkitekt og busett på Sandnes. Ola L. Vigre forpakta garden nokre år. Seinare seld til Nærbo skogplantinglag, og husa overtekte av Rogaland Folke-museum. Den dyrka jorda skift mellom dei andre bruka på Grødeland.
28. **Ola H. Sør Reime** (Sør Reime 44. 3.), fødd 19-10 1914. Gift 1941 med Svanhild Risa, fødd i Stavanger 9-10 1921, dotter til Eivind og Jorine Risa. Olav Sør Reime kjøpte bnr. 3 av Abraham Grødeland i 1941. — Barn:
1. Randi Sør Reime, f. 24-3 1941, gift 1958 med Svein Bore, Klepp.
 2. Judith Sør Reime, f. 2-4 1942.
 3. Solfrid Sør Reime, f. 9-3 1944.
 4. Harald Sør Reime, f. 2-11 1946.
 5. Else Sør Reime, f. 2-2 1948.
29. **Sven S. Grødeland**, son til 26., fødd 6-6 1922. Gift med Berta Reime, fødd 14-11 1926 (Reime 62. 3.). Sven Grødeland tok over bnr. 4 etter faren.
30. **Per H. Reime** (Reime 62. 2.), fødd 8-6 1925.

G. nr. 15. Vigre

Namnet har vel samanheng med gamalnorsk vig og vigr, som tyder krig og dråpsferd. Skulle då tyda krigsmarka, Vigvollen. I gamal tid var her store slette vollar eller lynchgear som nå er planteskog eller dyrka jord.

Vigre hadde ei korn landskyld på 3 pund $22\frac{1}{2}$ spand i 1723. Eigersund prestebol åtte 18 spand, Anders Skadberg $12\frac{7}{60}$ spand, Jon Årsvoll $13\frac{1}{60}$ spand, Soma kyrkje åtte 12 spand, Anders Hjort åtte 16% spand og Kristiansand Lectorat åtte 30 spand. Dette var skift i 5 bykslebruk i 1723.

Vigre skifter med Obrestad og Reime i vest, i nord til Haa-åno og Næsheim, og i aust og sør mot Lode, Ødemotland og Reime.

NAMNEREGISTER

1. Helge Vigre 1519/21
2. Josef Vigre
3. Peder Vigre
4. Oluff Vigre 1563
5. Oluff Vigre 1602
6. Nils Vigre
7. Jon Vigre
8. Knut Jonson
9. Helge Olson
10. Antonius Knutson
11. Arnbjørn Børildson (Helgeson?)
12. Ola Vigre
13. Ivar Omundson
14. Kristofer Ormson
15. Anund Olson
16. Elling Hansson
17. Rasmus Svenson
18. Stig Olson Vigre
19. Einar Rasmusson
20. Lars Olson Håland
21. Ola Olson
22. Kolbein Asgautson
23. Peder Gunnarson
24. Nils Torstenson Anestad
25. Sven Josefson Tunheim
26. Elling Asserson Reiestad
27. Ola Larsson Grøtheim
28. Ivar Torstenson Anestad
29. Simon Simonson Sikveland
30. Asser Ellingson
31. Simon Simonson Vigre
32. Ivar Olson Vigre
33. Sven Olson Tunheim
34. Hans Simonson Vigre
35. Lars Olson Vigre
36. Rasmus Asserson
37. Peder Simonson
38. Ola Larsson Vigre
39. Ola Svenson Vigre
40. Hans Svenson Vigre
41. Kristian Samuelson Hognestad
42. Peder Skiljanson Arrestad
43. Lars Olson Eikeland
44. Sivert Pederson Vigre
45. Elling Rasmusson
46. Peder Pederson Vigre
47. Ivar Pederson
48. Ola Larsson Eikeland
49. Lars Olson Vigre
50. Peter Olson Skjærpe
51. Peder Sivertson Vigre
52. Jakob Sivertson
53. Søren Sivertson
54. Peder Ivarson Vigre
55. Gabriel Hansson Skretting
56. Kristian Rasmusson Refsnes
57. Lars Olson Vigre (Myllaren)
58. Elias Petterson Vigre
59. Ola Larsson Vigre
60. Sivert Jakobson
61. Enevald Kristianson
62. Rasmus Vigre
63. Ole Tobiasson Høyland Vigre
Anders Hjorth, Tingbok III, side 121
64. Olav Larsson Vigre
65. Tobias Pederson
66. Ingvald L. Vigre
67. Lars O. Vigre
68. Torgny Kvia

1. Helge Vigre er nemnd i 1519 og 1521.
2. Josef Vigre nemnd 1519 og 1521.
3. Peder Vigre er nemnd 1563. Han skatta 1 dalar.
4. Oluff Vigre nemnd 1563, skatta 1 dalar og 1 ort.
5. Oluff Vigre nemnd 1602.
6. Nils Vigre er nemnd 1603, 1613 og 1624. Han var son til Odd Lode og gav 1 vett leidang i 1619 og 1624 (sjå Lode 7. 2.).

6B. Nils Vigre nemnd samstundes med 6. i 1619, og gav y2 pund leidang.

7. Jon Vigre gav 1 vett leidang i 1624.
8. Knut Jonson gav 1 vett leidang i 1624, er og nemnd 1645.
9. Helge Olson Vigre er nemna 1645, 1656 og 1658. Han hadde kona og ein dreng, og skatta 1 ort i 1645. Av barna veit me om desse:
 1. Peder Helgeson Njærheim (Njærheim 47.).
 2. Rasmus Helgeson, død før 1715, barnlaus.
 3. Berit Helgesdtr., gift med Ole Erikson Næsheim (Næsheim 29.).
 4. Astrid Helgesdtr., gift med Ånund Olson Vigre (15.).
 5. Kirsten Helgesdtr., gift 1) med Ola Torgerson Tjora, gift 2) med Asbjørn Jonson Tjora.
 6. Aasa Helgesdtr.

(Jon Austvoll er nemnd som eigar av 1 pund 2 spand i Vigre i 1642, sjå Tingbok I side 67.)

10. Antonius Knutson, son til 8., fødd kring 1618, skifte 23-9 1687, gift 1) med Guri Asbjørnsdotter, som der var skifte etter 9-1 1669, gift 2) med Kirsten Albretdotter Høyland (Høyland 13. 4.), som sidan vart gift med Elling Hansson (16.). Antonius er nemnd saman med faren i 1645 og hadde då kona og ein dreng, og skatta 1 ort. Han er og nemnd som brukar i 1665, og brukte då 5 vett. Truleg var det desse 5 vett, eller 30 sp., som Latinskulen i Kristiansand åtte. — Antonius hadde 9 barn i første gifte og 2 i andre:

1. Knut Antoniusson.

2. Jakob Antoniusson, død før 1687.
3. Asbjørn Antoniusson Vigrestad, fødd 1652 (Vigrestad 17.).
4. Endre Antoniusson, var bortreist i 1670.
5. Ola Antoniusson, f. 1659, d. før 1678.
6. Erik Antoniusson Efjestad, fødd 1647 (sjå Efjestad 17.).
7. Eivind Antoniusson, f. 1663, d. før 1687.
8. Anna Antoniusdotter, gift med Ivar Omundson Vigre (13.).
9. Siri Antoniusdtr. var ugift i 1687.
10. Knut Antoniusson d. y., f. 1676, reist til Holland 1695.
11. Hans Antoniusson.

11. Arnbjørn Børildson er nemnd på Vigre i 1645 med kona. I 1655 er han laugrettsmann på Skipreide-tinget. Kanskje var han den Arnbjørn Helgeson som er på Vigre i 1665. Han kunne vel vore gift med dotter til Knut Jonson, og hadde ein son:

Knut Arnbjømson, 20 år i 1665.

(Jon Aslakson, Aslak og Ole Gregorius-søner og Ragnhild Gregoriusdotter Erga selde 7 spand og 21 mark i Vigre til Eivind Erga, dagsett 28-9 1674, sjå skifte 258. I. og Tingbok I side 247. Omund Aslakson Sæland selde 4 spand, etc. i Vigre til Jon Austvoll, dagsett 21-6 1675.)

12. Ola Vigre. Denne mannen veit eg ikkje anna om, enn at han hadde ein son: Kristian Olson Njærheim (Njærheim 29.). Han kunne kanskje vore den same som nr. 5.

13. Ivar Omundson Reime (sjå Reime 8. 3.). (Sjå Tingbok I side 106 og 144.) Han var fødd kring 1616, død 1687, skifte 23-9. Gift 1) med Anna Antoniusdotter Vigre som der var skifte etter 12-1 1680 (Vigre 10. 8.), gift 2) med Eli Adnesdotter Re, som seinare vart gift med Rasmus Svenson. Ivar Omundson hadde 3 barn i første gifte og 1 i andre:

1. Lars Ivarson.
2. Jakob Ivarson.
3. Astrid Ivarsdtr., gift 1701 med Erik Olson (Vigrestad 19.).
4. Anna Ivarsdtr.

14. Kristofer Ormson Bjorhaug (Bjorhaug 2. 3.), var fødd kring 1645, død på Brueland i Høyland i 1709. Han var truleg gift 3 gonger, men det er uklårt med dei 2 første konene. Me veit at den første var frå Vigre, og at mor hennar heitte

Anna Knutsdotter. Ho er ikkje nemnd og hadde ikkje barn. Den andre kona heitte Guri Ivarsdotter, og der var skifte etter henne 9-12 1685. Den tredje kona heitte Ingerid Tørresdotter. Med henne budde han på Brualand. 2 barn i andre gifte (sjå og Brualand, Høyland 5.):

1. Ivar Kristoferson.
2. Knut Kristoferson.

Ved skifte etter Guri Ivarsdotter heiter det, at Kristofers forrige vermoder, Anne Knutsdotter, håffde opladet bruget for ham.

15. Anund Olson Vigre brukte 2% vett = 15 spand, i 1665. Han var fødd kring 1620. Gift med Astrid Helgesdotter Vigre (9. 4.). Anund er nemnd i 1665, då han og Ivar Vigre var for retten (sjå Tingbok I side 144). Det er uvisst kvar Anund var frå. Han hadde 5 barn:

1. Helge Anundson Opstad, fødd 1665 (Opstad 25.).
2. Ranveig Anundsdr., gift med Mikkel Tolleivson (Våland 8.).
3. Guri Anundsdr., gift 1) med Peder Olson Nærland, — gift 2) med Jakob Hansson Nærland (Nærland 16. og 21.).
4. Ingeborg Anundsdr., gift m. ein Lars. Budde på Bekkervigen og hadde ein son: Adrian Larsson.
5. Berit Anundsdr., gift med Lars Olson Vigre (20.).

16. Elling Hansson Hårr (Hårr, Varhaug 16. 8.). Han var fødd kring 1663, og der var skifte etter han 15-8 1709. Han var gift med enkja etter Antonius Knutson Vigre (10.), Kirsten Albretsdotter. — Dei hadde ikkje barn.

17. Rasmus Svenson var son til Sven Bjørnson Fosse i Time og første kona, Malena Rasmusdr. frå Re. Han var fødd kring 1663, død 1745, skifte 8-3. Gift 1) med enkja etter Ivar Omundson (13.), Eli Adnesdotter, som der var skifte etter 27-4 1709. Gift 2) med Siri Asgautsdotter (truleg frå Vinningland i Bjerkreim?). Rasmus Svenson brukte 15 spand som Lectoratet i Kristiansand åtte. Han hadde 3 barn i første gifte:

1. Ivar Rasmusson, var soldat i 1709, død før 1745, ugift.
2. Malena Rasmusdr., f. 1691, var ugift i 1745.
3. Anna Rasmusdr., f. 1695, gift 1) med Ola Olson, gift 2) med Sven Josefson (21. og 25.).

18. Stig Olson Vigre var der skifte etter

22-5 1693. Kona var Berit Eriksdr. Bjorland (Bjorland 3. 3.). Det er uvisst kvar han var frå. Dei hadde ein son:

Ola Stigson Bø, f. 1693 (sjå Bø 45.).

19. Einar Rasmusson Vigre, var fødd kring 1650, gift med enkja etter Stig Olson, Berit Eriksdotter, som der var skifte etter 14-6 1695, gift 2) med Borgny Rasmusdotter, som der var skifte etter 27-4 1709. Det er uvisst kvar Einar og Borgny var frå. Dei hadde 3 barn:

1. Rasmus Einarson Vigre, f. 1702. Han brukte Vigre ei tid, men budde i Stavanger frå 1738.
2. Berit Einarsdotter, f. 1699, gift med Ola Torgerson Bø i Ognå, gift 2) med Ola Ellingson Hetland i Ognå.
3. Anna Einarsdr., f. 1700.

Einar Rasmusson brukte 16% sp. i Vigre, som Soma kyrkja åtte 6 sp. av, og Halvard Årsvoll 1 sp. 8½ mark, og Anders Hjort åtte 9 sp. 11% mark, i 1723/33. Salig Laurits Smith åtte Soma-kyrkja sine 6 sp. i 1725, og svara odelsskatt og rente for desse.

20. Lars Olson Håland, var son til Ola Larsson Håland i Varhaug (sjå der 10. 1.). Han var fødd kring 1685, død i militærtenest i Fredrikstad i 1717, skifte etter han 6-10 det året, gift med Berit Anundsdotter Vigre (15. 5.). Dei hadde ikkje barn. Det er rimeleg at Berit gifte seg att, kanskje med Ola Olson.

21. Ola Olson Vigre kom til Vigre i 1717, det året Lars Olson døde. Det er då truleg at han vart gift med Lars si enkje, Berit Anundsdr., som må vera død barnlaus. Ola var fødd kring 1690, og brukte 15 spand i 1717 og 1733. Det er uvisst kva tid Berit døde, men Ola vart gift 2) med Anna Rasmusdr. Det er uvisst kvar ho var frå. — Ola Olson hadde minst 2 barn:

1. Ingeborg Olsdr., f. 1718, var truleg gift med Johannes Mikkelsen Madland i Varhaug (sjå der 15.).
2. Ivar Olson Vigre, fødd kring 1726, var truleg av andre gifte (sjå nr. 32.).

21B. Anders Karlson Hadland var son til Karl Olson Hadland i Ognå og andre kona, Ingeborg Livardsdr. frå Varhaug. Han var fødd kring 1683, død 1713, skifte etter han på Vigre 27-1 det året. Han var gift med Barbro Karlsdr. Vigrestad frå Høyland i Nærbo (sjå Høyland 20. 3.), fødd kring 1672. (Sjå Tingbok V side 186.) — Anders Karlson budde nok på

Reime ei tid, der han er nemnd i 1709, då han er stemnd "for fortidlig sammenleje med sin hustrue Barbro Carlsdatter" (sjå Tingbok II side 271). Det er muleg at han og hadde butt ei tid på Vigrestad. Dei let etter seg ei dotter:

Ingeborg Andersdtr., f. 1709, gift med Gitle Gitleson Torland (Torland 32.).

21C. Asgaut Vigre, trur eg må ha vore son til Kolbein Vindingland i Bjerkrei, som der var skifte etter 3-5 1671. Nei det var nok ikkje han, for den Asgaut døde i 1695. Då kan det vera meir truleg at han var den Asgaut Askildson Eigestad, — som vart enkjemann etter Eli Larsdtr. som der var skifte etter 23-7 1739. Men så er det det med det, at Asgaut Vigre er nemnd som gift og buande på Vigre i 1738. Denne Asgaut Eigestad har nok heller ikkje noko før seg i dette høvet, så eg tenkjer me let han vera kven han vil til så lenge. Asgaut Vigre vart gift med enkja etter Anders Karlson, Barbro Karlsdotter. Meir veit eg ikkje om dei.

22. Kolbein Asgautson Vigre, trur eg må ha vore son til den før nemnde Asgaut Kolbeinson Vindingsland, og bror til den andre kona hans Rasmus Svenson, Siri Asgautsdtr. (nr. 17). Han er og kalla Kolbein og Kolbjørn Aslakson. I 1735 er han sagt å vera 60 år gamal. Kolbein tok over 16 $\frac{2}{3}$ spand i Vigre i 1712, som Anders Hjort åtte, og som truleg Elling Hansson hadde brukt (nr. 16). Kolbein eller Kolbjørn Asgautson er nemnd i Futerekneskapen fram til 1745, men i 1749 er Simon Simonson på denne parten. Eg har diverre ikkje funne noko skifte etter korkje Kolbein eller kona, som kan gje opplysning om dei. Barn er ikkje nemnde.

23. Peder Gunnarson Voll, son til Gunnar Olson Voll i Varhaug og kona Anna Pedersdtr (sjå Voll 15. 5.). Han var fødd kring 1680, død 1741, skifte 9-10 det året, gift 1) i 1710 med enkja etter Elling Hansson, Kirsten Albretsdtr., gift 2) med Guri Pedersdtr. Bø (sjå Bø 26. 3.). Peder Gunnarson tente hjå Elling Hansson i 1701, og i 1710 tok han over 1 pund 7 $\frac{1}{2}$ spand. Av det åtte Eigersund prestebol 18 spand, Anders Skadberg 12 spand og Jon Årsvoll (Austvoll?) $\frac{3}{60}$ spand. Peder Gunnarson hadde 4 barn:

1. Gunnar Pederson Motland, fødd 1729 (Motland 15.).
2. Kirsten Pedersdtr., f. 1733, d. 1752.

3. Peder Pederson, f. 1735, d. 1745.

4. Rasmus Pederson, fødd 1739. Han var perlefiskar i 1758, gift 1768 med Anna Salomonsdtr. Mauland. — Budde på Mauland i Time, truleg seinare på Re. Når me ser at Peder kom til Vigre i 1710, og eldste barnet ikkje er født før 1729, då ligg det nær å tru at han først hadde vore gift med ei annor, og sidan Elling Hansson døde i 1709, må me tenkje på enkja hans, Kirsten Albretsdotter, og det endå meir sidan han kalla dottera Kirsten. Men då kunne ikkje Kolbein Asgautson vore gift med henne. Det kan då heller ikkje ha vore Elling Hansson sitt bruk som Kolbein hadde. I 1665 vantar $17\frac{1}{2}$ spand av det som Kolbein har fått, og så er resten av desse % spand lagt til Einar Rasmusson sitt bruk, som hadde berre 16 spand i 1665.

23B. Torgier Omundson Vigre var laugrettesmann i 1730. Denne mannen er ikkje nemnd andre stader eller tider.

24. Nils Torstenson Ånestad (sjå Ånestad, Varhaug 26. 2.). Han var fødd kring 1707, død 1761, skifte 11-6 det året. Gift med Berit Eivindsdotter Obrestad (sjå der 14. 5.), fødd kring 1708. Nils Torstenson tok over 15 spand i Vigre etter Ola Olson (21.) kring 1736. Då han var død i 1761 gifta enkja seg med Ivar Olson som tok over bruket. Nils hadde 2 barn:

1. Berit Nilsdtr., f. 1738, gift med enkjemann Hans Obrestad (sjå der 20.).
2. Torsten Nilsson, f. 1746, livde i 1761.

25. Sven Josefson var son til Josef Olson Tunheim i Time og Guri Svendsdtr. Fosse. Han var fødd kring 1710. Gift med enkja etter Ola Olson, Anna Rasmusdotter. Dei var syskenbarn. Sven budde som husmann på Vigre i 1758 og hadde då hjå seg Rasmus, 5 år gamal, som var kona sin (uekte) dotterson, truleg son til Ingeborg Olsdtr. (21. 1.). Rasmus Larsson vart seinare buande på Høneland (sjå Ødemotland 11.). Sven Josefson og Anna Rasmusdtr. hadde ei dotter:

Guri Svendsdotter, fødd kring 1732, død på Obrestad 20-10 1797, truleg ugift. Truleg var ho mor til den nemnde Rasmus Larsson, sidan han kalla eldste dotter si Guri. Det må ha vore ho som er kalla Gitlaug Svendsdtr. og var tenar på Obrestad i 1758.

26. Elling Asserson Reiestad (sjå Reiestad i Varh. 11. 4.). Han var fødd kring 1700 og levde i 1758, men var død før

1770. Han var gift med Kirsten Pedersdotter, fødd Bjorheim kring 1707 (sjå Bjorheim, Varh. 7. 2.). Elling Asserson tok over 16 $\frac{2}{3}$ spand etter Einar Rasmusson kring 1740. Dei hadde 5 barn:

1. Asser Ellingson Vigre, f. 1737 (30.).
2. Kari Ellingsdtr., f. 1741, gift 1) 1793 med enkjemann Elias Larsson Tjemsland (Sør-Tjemsland, Varh. 21.), gift 2) 1798 med Nils Nilsson Høyland i Nærbø (sjå der 43.).
3. Ola Ellingson, f. 1742. Han heitte Ola Obrestad i 1770. Kring 1775 vart han gift med enkja etter Torger Mortenson Stavnheim i Varhaug, Anna Olsdotter. Budde ei tid på Stavnheim, seinare på Valdeland (sjå der 2.).
4. Anna Ellingsdtr., fødd kring 1744, gift 1) med Peder Olson Høyland på Trones i Høyland (Høyland 36. 1.), gift 2) med Peder Pederson Myrland i Høyland. Budde på Trones.
5. Kirsten Ellingsdotter, f. 1749, gift 1) med enkjem. Peder Olson Skretting, gift 2) med Sven Erikson Skretting. (Sjå Skretting, Varhaug 42. og 46.)

27. **Ola Larsson Grøtheim** var son til Lars Olson Grøtheim i Time og kona Siri Olsdtr. frå Myklebust i Høyland. Han var fødd kring 1714, død 29-1 1789, gift med enkja etter Peder Gunnarson, Guri Pedersdtr., som døde 1-2 1789, berre 3 dagar etter Ola. Ola Larsson tok over 1 pund 7 $\frac{1}{6}$ spand etter Peder Gunnarson. Han byksla dei 18 spand som låg under Eigersund prestebol i 1741 eller 1742. Han hadde visst berre ein son:

Lars Olson Vigre, f. 1742 (35.).

28. **Ivar Torstenson Ånestad** var bror til 24., fødd kring 1710, skifte etter han 18-6 1772, gift med Ranveig Simonsdtr. Bø, fødd kring 1720 (Bø 36. 9.). Ho døde 5-10 1794. Ivar tok over 15 sp. etter Rasmus Svenson i 1746 som lectoratet i Kristiansand åtte. Dei hadde 5 barn:

1. Helge Ivarson, var i kongens teneste i 1772. 1 1775 vart han gift i Eigersund med Elisabet Torgersdtr. Skadberg.
2. Simon Ivarson, f. 1752, gift med Guri Svendsdtr. Budde på Mæland i Varhaug (sjå der 22.).
3. Anna, f. 1755, d. før 1772.
4. Gjertrud, f. 1759, gift med Sven Olson Vigre (33.).
5. Ragnhild, fødd 1763, var trulova med Hans Hansson Reime i 1806, men dei vart ikkje gifte. Den 27-8 1818 vart ho gift med enkjemann Ola Monsson Bjorland (Bjorland 9.).

29. **Simon Simonson Sikveland** var son til Simon Jespersen Indre Sikveland i Gjesdal og kona (Barbro Asgautsdtr.?). Han var fødd kring 1702, skifte etter han 7-9 1755, gift med Kirsten Hansdtr. Tjåland, fødd kring 1700, d. 1767, dotter til Hans Kristoferson Tjåland i Time og kona Barbro Torgrimsdotter frå Birkeland i Bjerkreim. Simon hadde teke over 16 $\frac{2}{3}$ spand i Vigre, truleg etter Kolbein Asgautson, som kanskje var morbror hans Simon. Der er nemnde 6 barn då skifte vart halde, men truleg var ikkje alle fødte på Vigre:

1. Simon Simonson Vigre, f. 1726 (31.).
2. Barbro Simonsdtr., f. 1725, d. 1799, ugift.
3. Hans Simonson Brekko, f. 1730 (sjå Varhaug 53.).
4. Barbro Simonsdtr. d. y., f. 1732, gift med Søren Moi.
5. Hans Simonson d. y., f. 1736 (sjå 34.).
6. Ola Simonson Efjestad, f. 1744 (Efjestad 41.).

30. Asser **Ellingson**, son til 26., fødd kring 1737, død på Jero på Bø 14-10 1830, 97 år gamal. Han var gift med Eleh Rasmusdotter Ueland, fødd kring 1740, død 1798 (sjå Ueland 20.). Asser Ellingson tok over 16 $\frac{2}{3}$ spand etter faren kring 1768. Han vart gift 2) 11-7 1799 med Ragnhild Olsdotter Holmen (Rosland?). Der har truleg vore skifte etter den første kona i 1798, men det har eg ikkje funne, og det er uvisst kor mange barn han hadde. Andre gifte var barnlaust. Truleg var desse Asser sine barn:

1. Kirsten Assersdtr., f. 1760, gift 1789 med Elling Vikanson Ånestad (sjå Lindal 11.).
2. Rasmus Asserson Vigre, f. 1762 (36.).
3. Elen Assersdtr., f. 1771. Ho fekk ein son med Ola Olson Høyland: Abraham Olson, f. 29-5 1810, gift i Time 1838 med Marta Knutsdtr. Nubben. — Elen vart gift 30-3 1817 med Reiar Tollakson Bø-Jero (Bø 73.).
4. Anna Assersdtr., f. 1772, d. 1805, ugift.
5. Ingeborg Assersdtr., f. 1776. Ho flutte til Høyland prestegjeld i 1829. — Ho fekk ei dotter: Magdalena Jensdotter, f. 1799, død same året.
6. Sissel Assersdtr., f. 1779, d. 1796.
7. Guri Assersdtr. Ho hadde ein son: Ola Omnudson, f. 7-2 1802. Sidan vart ho gift 1) 1813 med enkjemann, skomakar Ola Aslakson Skjæveland, og gift 2) 1821 med skomakar Knut Mikalson, begge i Stavanger.
8. Karen Assersdtr., f. 1777, gift 1) 1817

med enkjemann Tollak Tollakson, f. i Nedstrand, gift 2) med Asgaut Asgautson Versland, gift 3) 2-9 1831 i Stavanger, med enkjem. Jørgen Paulson Vestly, gift 4) med Jens Olson Egenes.

31. **Simon Simonson Vigre**, son til 29. — Fødd kring 1726, død 8-10 1810, gift 1765 m. enkja etter ein Lars. Ho heitte Kirsten Pedersdotter, fødd kring 1735, død 26-11 1814. Eg veit ikkje kvar ho kunne vore ifrå. Simon brukte dei 16% spand som faren hadde brukt. Det er kanskje truleg at Kirsten var enkje etter Lars Størkarson Hårr, og dotter til Peder Omundson Søre Tjemsland (sjå Hårr 39.). — Simon og Kirsten hadde 3 barn:

1. Kirsten Simonsdr., f. 1767, var ugift i 1801.
2. Peder Simonson Vigre, f. 1770 (37.).
3. Simon Simonson, f. 1773, d. 1792. (Simon åtte sjølv bruket.)

32. **Ivar Olson Vigre**, son til 21. — Fødd kring 1726, død 1795, gift 1762 med enkja etter Nils Torstenson Vigre (24.), Berit Eivindsdotter. Ivar tok over dei 15 spand etter Nils Torstenson, som låg under lektoratet i Kristiansand. Dei hadde ikkje barn.

33. **Sven Olson Tunheim Torland** (sjå Torland 36. 1.), f. på Tunheim 1757, d. 19-6 1834, gift 1) med Gjertrud Ivarsdr. Vigre, fødd kring 1759, d. 1785 (28. 4.). Sven byksla 15 sp. av Erik Johan Jensen i 1783 etter Ivar Olson. I 1832 fekk han kongeskjøte frå skulen i Kristiansand på dei 15 sp. for 200 spd. Etter Gjertrud var død vart han gift 2) i 1786 med Herborg Olsdr. Mæland i Varhaug, f. 1761, dotter til Ola Asbjørnson Mæland og kona Anna Rasmusdr. (Mæland 15. 4.). Han fekk 1 barn i første gifte og 7 i andre:

1. Berta Svensdr., f. 1785, gift 13-10 1816 med Sven Svenson Herigstad i Varhaug (Herigstad 43.).
2. Gjertrud Maria, f. 1787, gift i Telemark.
3. Ola Svenson Vigre, f. 1789 (39.).
4. Anna Johanna, f. 1792, gift 16-1 1814 med Sven Omundson Bø (Bø 77.).
5. Magdalena (Malena), f. 7-10 1794, gift 22-6 1817 med Ivar Simonson Mæland i Varhaug (sjå der 28.), gift 3-11 1830 med Bendiks Olson Kongvaren.
6. Ola Svenson, f. 3-9 1797, gift 6-11 1823 med Karen Olsdr. Re.
7. Sven Svenson, f. 11-12 1800, gift 17-3 1822 med Olina Olsdr. Høyland (Høyland 48. 7.).

8. Hans Svenson, f. 24-4 1805, gift 27-3 1831 med Ane Berte Olsdotter Høyen under Varhaug. Budde visst i Stavanger (Vigre 40.).

34. **Hans Simonson Vigre**, son til 29., f. 1736, d. 23-11 1822, gift 1772 med enkja etter Ivar Torstenson, Ranveig Simonsdr. som døde 1794, gift 2) 21-6 1795 med Marta Eriksdr. Hauge i Klepp, f. 1736, d. 14-7 1830. Hans tok over dei 15 sp. som Ivar Torstenson hadde brukt. Han hadde ikkje barn, og Peder Skiljanson tok over bruket i 1831.

35. **Lars Olson Vigre**, son til 27., f. 1742, d. 1825, gift med Ingeborg Hansdr. Obrestad, f. 1754, d. 12-6 1843 (Obrestad 20. 3.). Lars byksla 12Vg sp. av fru Valentinsen i 1776 og 18 sp. av provste-enkja Helene Budde i Eigersund, alt etter faren. I 1800 fekk han skjøte på 12% sp. av Peder Valentinsen for 70 rdl. Dei fekk 8 barn:

1. Guri, f. 1778, gift 2 Advend 1802 med Peder Larsson Kvia (sjå Kvia 32.).
2. Ola Larsson Vigre, f. 1784 (38.).
3. Hans Larsson Kvasheim, f. 1786, gift 1 1-6 1820 m. Marta Larsdr. Kvasheim i Ogna.
4. Berta Kirstine, f. 30-5 1790, gift 15-3 1818 med Lars Larsson Nord-Varhaug (sjå der 30.).
5. Peder, f. 3-8 1794, d. 19-6 1799.
6. Berta, f. 7-10 1792, gift 21-3 1821 med enkjemann Ola Svenson Håland (sjå Austre Håland 11.).
7. Berta, f. 29-7 1798, d. 19-6 1799.
8. Peder Larsson Odland, f. 24-8 1800, gift 12-10 1820 med Inger Reiarstr. Odland i Varhaug (sjå der 44.).

Hans Larsson tok over 12 sp. i Grøtheim i Time frå syskenda sine for 80 spd. — Desse 12 sp. var arv etter faren.

36. **Rasmus Asserson**, son til 30., fødd kring 1762, d. 25-11 1851, 89% år gamal, gift 28-2 1790 med Ingeborg Gregoriusdr. Tunheim, f. 1760, d. 25-6 1816, dotter til Gregorius Gregoriusson Tunheim i Time og kona Ingeborg Svensdr. Rasmus Asserson kjøpte 9V2 sp. av arvingane etter farfaren i 1789, og han hadde sjølv arva andre 9% sp. Han byksla 6 sp. som låg under Soma kyrkja, og som faren og hadde brukt. I 1811 kjøpte han 1V6 sp. av Elling Halvardson på Sandnes. Denne Elling Halvardson hadde kjøpt 16 sp. i Vigre av Halvard Johannesson Austvoll i 1809 for 45 rdl. — Rasmus og Ingeborg fekk 4 barn:

1. Elen, f. 2-10 1791, gift 11-11 1821 med Peder Pederson Stølane under Håland i Varhaug (sjå Lerbrek, Varhaug 26.).
2. Inger, f. 19-10 1794, gift 26-5 1842 med Ola Eivindson Næsheim. Ho heitte då Ingeborg (Næsheim 99.).
3. Elling Rasmusson Vigre, f. 12-11 1797 (45.).
4. Guri, f. 30-3 1806, d. 3-1 1809.
Rasmus hadde seinare teke over 10V₂ sp. som faren åtte. Etter det skulle han hatt 26 sp., men han er aldri oppført med meir enn 16% sp. i futebøkene.

37. **Peder Simonson**, son til 31., f. 1770, d. 14-2 1857, gift 22-11 1799 med Maren Olsdtr. Gudmestad, f. 1770, d. 20-4 1856 (Gudmestad 19. 2.). Peder kjøpte 16V₂ sp. av faren i 1791 for 30 rdl. Dei hadde 4 barn:

1. Berta Kirstine, f. 30-8 1800, gift 18-11 1832 med Ola Olson Helle frå Nedstrand. Budde på Kristianlyst.
2. Sivert Pederson Vigre, f. 8-10 1803 (44.).
3. Ola Pederson, f. 27-9 1806, gift i Klepp 1830 med Gunvor Omundsdtr. (Borsheim?). Budde på Borsheim.
4. Peder, f. 20-6 1805, d. 15-8 1829, ugift.

38. **Ola Larsson Vigre**, son til 35., f. 1784, d. 14-11 1858, — gift 1) 31-10 1821 med Berta Svensdtr. Reiestad i Varhaug, f. 4-11 1792, d. 28-9 1836, dotter til Sven Jonson Reiestad og kona Margreta Hansdtr. frå Obrestad (sjå Reiestad 26. 2.). Dei var syskenbarn, gift 2) 2-11 1837 med Guri Eliasdtr. Djøseland, f. 21-5 1806, d. 17-10 1886, dotter til Elias Olson Djøseland og Ingeborg Larsdtr. (Djøseland 27. 1.). Ola Larsson tok over bruket etter faren, 1 pund 7V₆ sp. i 1810. — 5 barn i første gifte:

1. Anna, f. 27-11 1822, d. (1825?).
2. Margreta, f. 15-9 1824, gift 12-4 1860 m. Ingebret Rasmusson Skrettingland i Varhaug (sjå der 24.).
3. Lars Olson Vigre, f. 3-10 1827 (49.).
4. Berta, f. 7-7 1830, d. 17-7 s. å.
5. Ingeborg, f. (1822?), gift 15-6 1854 med Ola Larsson Eikeland Vigre (48.).
Det er muleg at det er Ingeborg som skal stå under 1. og ikkje Anna.

39. **Ola Svenson Vigre**, son til 33., f. 11-10 1789, gift 16-10 1817 med Malena Henriksdtr. Auestad, f. i Varhaug 24-2 1787, dotter til Henrik Henrikson Auestad og kona Malena Ellingsdtr. (sjå Auestad 25. 1.). Eg veit ikkje om Ola hadde teke over bruket, men han har truleg dreve det ei

tid, kanskje saman med faren og broren Hans. Det var faren som gav skjøte til Lars Olson Eikeland på dei 15 sp. i 1832. Men Ola hadde butt på Vigre, og 3 barn var fødde der:

1. Herborg, f. 1-1 1819.
2. Sven, f. 17-9 1820 (var det han som budde på Håland i Randaberg i 1865?).
3. Henrik, f. 3-10 1822, d. 22-11 1824.
Så har eg funne 2 som ikkje var fødde i Haa:
4. Malena, f. (1825?) kanskje på Vigre, d. i Stavanger 7-2 1855. Ho var trulova med Rasmus Weyby Hauge, men døde før bryllupet.
5. Henrik Olson Vigre, matros, 28 år, gift i Stavanger 15-10 1858 med Anna Tobie Toresdtr. frå Flekkefjord.

40. **Hans Svenson Vigre**, bror til 39., f. 24-4 1805, gift 27-3 1831 med Ane Berte Olsdtr. Høyen i Varhaug, f. 8-4 1807. Han har truleg vore heime på Vigre til garden vart seld, og ei dotter er fødd der:

1. Anna Helena, f. 4-8 1831, gift 9-5 1867 m. Rasmus Rasmusson Rimestad (Rimestad 43. 6.). Reist til Amerika.
Sidan har eg funne 2 døtre til som truleg ikkje er fødde i Haa:
2. Berta Hansdotter Vigre, 22 år, gift i Hetland 28-11 1858 med smed Lars Pederson, 26 år.
3. Serine Johanna Hansdtr. Vigre, 21 år, gift i Stavanger 3-11 1864 med matros Ola Rasmusson Rimestad, 29 år.

41. **Kristian Samuelson Hognestad** var son til Samuel Olson Hognestad i Time og kona Ingeborg Gunnarsdtr. Han var f. 1785, gift 11-6 1820 med Ingeborg Olsdtr. Torland, f. 10-11 1793 (Torland 36. 8.). — Ho var halvsysster til Sven Olson Vigre. Truleg budde Kristian hjå Sven Olson og har kanskje brukt garden ei tid. Han er nemnd på Vigre frå 1823 til 1830, og 3 barn er døypte her:

1. Ingeborg Berte, f. 15-1 1823.
2. Samuel, f. (1825?), gift 8-9 1865 med Grete Bertine Eriksdtr. Salte.
3. Jonas, f. 19-1 1830.

42. **Peder Skiljanøson Arrestad** var son til Skiljan Larsson Arrestad i Time og kona Johanna Pedersdtr. frå Kvía. Han var f. i Time 1782, d. 16-5 1852, gift i Varhaug 28-11 1809 med Astrid Eriksdtr. Tvihaug, f. 11-4 1790, d. 26-6 1862, dotter til Erik Erikson Tvihaug og Inger Svensdtr. (Tvihaug 26. 3.). Peder hadde butt på Tjelmsengen under Ueland i Varhaug før han kom til Vigre, og 6 av dei 9 barna var

fødde der. Men då Vigre vart rette heimen deira skal me ta dei med her. I 1831 byksla Peder 15 sp. av lectoratet i Kristiansand etter Hans Simonson. Og i 1850 fekk han kongeskjøte på dei 15 sp. for 400 spd. I 1832 var halde minneleg utskifting av jorda mellom Peder Skiljanson og Sven Olson. Denne utskiftinga er å finna i pantebok nr. 12 side 399. — Peder Skiljanson og Astrid sine barn var:

1. Inger, f. på Tvihaug 23-2 1810, d. på Vigre 19-10 1900. Ho var ugift og hadde butt på Vigre heile sitt liv.
2. Johanna, f. på Tvihaug 5-4 1812, gift i Stavanger 27-11 1853 med enkjem., arbeidar Hans Hansson, frå Sokndal, 43 år.
3. Sivert Pederson, fødd på Tjelmsengen 18-3 1814, gift 1) 16-11 1854 med enkja etter Tarald Taraldson Skretting, — Anna Kirstina Hansdtr., gift 2) 14-10 1880 m. Anna Kirstina Eriksdtr. Reiestad. Budde på Skretting i Varhaug (sjå der 91.).
4. Erik Pederson, fødd 25-3 1816, gift i Stavanger 25-9 1857 med Olina Andreasdtr. Høyland, f. 25-12 1829 (Høyland 87. 2.). Han var bygningsmann i Stavanger.
5. Asselina, f. 30-3 1818, d. 20-7 s. å.
6. Peder Pederson Vigre, f. 7-7 1819 (46.).
7. Asselina, f. på Vigre 26-4 1822, gift 2-7 1846 med Elling Pederson Steinsland (sjå Høyland 102.).
8. Ivar Pederson Vigre, f. (1825?) (47.).
9. Jonas Pederson, f. 28-3 1832, gift 4-4 1861 med Elisabet Eriksdtr. Netland. Dei budde i Stavanger.

43. Lars Olson Eikeland var son til Ola Larsson Eikeland i Time frå Haugamork og kona Guri Olsdtr. Lima. Han var f. i Gjesdal 1800, d. 15-6 1875, gift 5-4 1825 med Berta Karina Tørresdtr. Næse, f. på Taksdal i Time 1804, d. 28-6 1880, dotter til Tørres Jespersen Næse, seinare (Kvia 34. 1.) og kona Taletta Kristine Torgersdtr. frå Skorve. Lars Olson kjøpte 15 sp. i Vigre av Sven Olson i 1832 for 50 spd. + følge til seljaren og kona Herborg Olsdtr. Dei hadde 7 barn:

1. Ola Larsson Vigre, f. på Eikeland 26-1 1826 (48.).
2. Tobias, f. på Eikeland 6-10 1828, gift i Stavanger 24-7 1885 med Mikkeline Jakobsdtr. Ystenæs frå Hardanger. — Han var garvar i Stavanger.
3. Grete Kristine, f. 14-1 1832, gift 29-9 1859 med Søren Olson Ødemotland (Ødemotland 14.).
4. Lars, f. 17-7 1835, gift 1) med Berta

Gurina Svendsdotter Risa, f. 5-7 1845 (Risa 68. 7.), gift 2) 10-7 1879 med Ingeborg Olsdtr. Skogen i Time, f. 10-4 1855. Reist til Amerika.

5. Tønnes Larsen Vigre, f. 21-6 1839, gift 31-5 1870 med Rakel Simonsdtr. Motland (Motland 21. 5.). Han var garvar på Sandnes.
6. Taletta Kristina, f. 28-4 1844, gift 1) med Bendiks Nygård på Sandnes, gift 2) med smed Andreas Johannesen på Sandnes.
7. Berta Maria, f. 13-10 1848, gift med Kristian Bendikson Lode på Sandnes (Lode 50 3.).

44. Sivert Pederson Vigre, son til 37., f. 8-10 1803, d. 23-2 1890, gift 1-11 1842 med Rakel Karina Jakobsdtr. Årsland, f. 7-3 1815, d. 26-5 1897, dotter til Jakob Omundson Årsland i Varhaug og kona Kirsten Svendsdtr. (sjå Årsland 26. 2.). Sivert kjøpte 16 $\frac{2}{3}$ sp. av faren i 1838 for 100 spd. + følge. Dei fekk 4 barn:

1. Peder Sivertson Vigre, fødd 17-5 1843 (51.).
2. Jakob Sivertson Vigre, fødd 24-5 1846 (52.).
3. Søren Sivertson Vigre, fødd 25-3 1849 (53.).
4. Kornelius, f. 11-7 1855, d. 28-5 1857.

45. Elling Rasmusson, son til 36., f. 12-11 1797, d. 29-12 1876, gift 1) 7-11 1843 med Anna Pedersdtr. Tjemsland, f. 3-9 1804, d. 26-1 1849, dotter til Peder Asbjørnson Sør-Tjemsland i Varhaug og kona Berit Ellingsdtr. (S-Tjemsland 24. 6.), gift 2) 9-4 1850 med Karen Olsdtr. Lerbrek, f. 28-2 1817, d. 20-12 1906, dotter til Ola Hansson Lerbrek i Varhaug og kona Berta Pedersdtr. (sjå Lerbrek 23. 1.) — Elling kjøpte 10% sp. av faren i 1843 for 100 spd. og byksla 6 sp. av Høyland kyrkja i 1844. Han fekk ei dotter i første gifte og ei i andre:

1. Ingeborg, f. 21-11 1846, d. 27-11 s. å.
2. Anna Ellingsdtr., f. 19-12 1850, gift 17-4 1877 med Kristian Rasmusson Refsnes, Vigre (56.).

46. Peder Pederson Vigre, son til 42., f. 7-7 1819, d. på Opstad 16-7 1900, gift 1852 med Johanna Margreta Svendsdtr. Rosseland, f. 15-4 1831, d. 19-3 1878, dotter til Sven Halvardson Rosseland i Time og kona Ingeborg Gjermundsdtr. Peder kjøpte 12 sp. av faren i 1852 for 240 spd. + $\frac{1}{2}$ følge. Han hadde ikkje barn. I 1866 selde han bruket til Peter Olson Skjærpe og tok oppsett.

47. Ivar Pederson, bror til 46., f. (1825?), d. 9-2 1888, gift 28-3 1848 med Berit Nilsdtr. Njærheim, f. 15-1 1822, d. 9-4 1904 (Njærheim 94. 3.). Ivar kjøpte 4 sp. av faren i 1852 for 60 spd. + % følge. I 1879 selde han eit stykke av jorda til Torger og Martin Edland og Ola Larsson Vigre med rett til å leida vatnet fram til mylla deira. Ivar hadde 9 barn:

1. Ingeborg Berte, f. 13-5 1846.
2. Peder Ivarson Vigre, f. 8-4 1848 (54.).
3. Nils, f. 3-4 1857, d. 30-10 1859.
4. Akseliana, f. 22-4 1854, gift 20-11 1879 med Marselius Olson Bø (sjå Bø 130.).
5. Olina, f. 28-8 1851, gift 17-4 1879 med Ole Jonson Njærheim (Njærh. 122.).
6. Taletta, f. 12-6 1859, gift med Sven Person Rosland.
7. Berte, f. 25-2 1861, d. 9-6 1876.
8. Nils, f. 4-12 1863, d. 21-4 1864.
9. Nikolina, f. 10-9 1865, d. 11-3 1939, ugift. — Ho hadde ein son: Bernhard Torgerson, f. 30-5 1887. Busett i Stavanger.

48. Ola Larsson Eikeland, son til 43., f. på Eikeland 26-1 1826, d. 14-12 1908, gift 15-6 1854 med Ingeborg Olsdtr. Vigre, f. (27-11 1822), d. 28-1 1893 (40. 5.). Ola kjøpte 15 sp. av faren i 1852 for 200 spd. + følge. Han fekk 5 barn:

1. Berte, f. 29-1 1855, gift 29-3 1883 med Tobias Olson Lende (sjå Kvia 60.).
2. Lars Olson Vigre, f. 1-5 1857 (57.).
3. Ola, f. 6-6 1860. Reist til Amerika.
4. Olaus, fødd 18-12 1862. Reist til Amerika.
5. Berta Karina, f. 17-6 1865, d. på Vigre 25-12 1960, ugift.

49. Lars Olson Vigre, son til 38., f. 3-10 1827, d. 18-4 1895, gift 31-3 1859 med Olina Eriksdtr. Tvihaug, f. 17-7 1829, d. 5-2 1900, dotter til Erik Jakobson Tvihaug og kona Anna Malena Pedersdotter frå Ødemotland (sjå Tvihaug i Varhaug 28. 4.). Lars kjøpte 137 $\frac{1}{2}$ sp. av faren i 1850 for 200 spd. + følge, og fekk kongeskjøte på andre 18 sp. for 400 spd. — 7 barn:

1. Berte, f. 25-6 1860, d. 2-4 1939, gift 17-12 1901 med Retsius Peterson Vigre (50. 2.). Dei hadde ei dotter: Anna, f. 5-12 1880, d. 29-3 1959.
2. Ola, f. 10-9 1862, d. 9-4 1863.
3. Ola Larsson Vigre, f. 19-5 1864 (59.).
4. Anna Elisabet, f. 22-3 1866, d. 13-4 1867.
5. Erik, f. 8-7 1868, d. 30-3 1892. Sjømann.
6. Lars Larsson Obrestad, f. 14-5 1870 (Gudmestad 39.).
7. Johan, f. 6-6 1872, d. 12-11 s. å.

50. Peter Olson Skjærpe (sjå Skjærpe 24. 2.), f. 5-3 1829, d. 1-1 1898, gift 2-4 1857 med Kirsten Rasmusdtr. Bø, f. 9-4 1830, d. 21-8 1878 (Bø 72. 9.). Peter hadde butt ei tid på Njærheim då han kjøpte 12 sp. av Peder Pederson Vigre (46.) i 1866 for 640 + 150 spd. + følge. Dei fekk 7 barn:

1. Ola, f. på Næsheim 17-2 1858.
2. Retsius, f. på Næsheim 17-4 1861, gift 17-12 1901 med Berte Larsdtr. Vigre (49. 1.). Han var sjømann, d. 30-3 1910.
3. Elias Vigre, f. 7-3 1863 (58.).
4. Justine, f. på Næsheim 12-2 1865.
5. Alida, f. 11-4 1867, d. ugift.
6. Kirstine, f. 22-9 1869.
7. Ingeborg, d. ugift.

51. Peder Sivertson Vigre, son til 44., f. 17-5 1843, d. 14-12 1916, gift 20-3 1888 med Serine Pedersdtr. Ueland, f. 30-7 1861, d. 24-7 1941, dotter til Peder Salvesson Ueland i Varhaug og kona Olina Larsdtr. (sjå Ueland 71. 4.). Peder kjøpte halve bruket av faren i 1876, 1 mark og 91 øre, bnr. 4, for 600 kroner -f følge. Dei hadde ikkje barn, og bruket gjekk over til brorsonen, Sivert Jakobson.

52. Jakob Sivertson, bror til 51., f. 24-5 1846, d. 1-6 1918, gift 23-11 1876 med Berta Jonsdtr. Næsheim, f. 15-6 1841, d. 15-4 1922 (Næsheim 84. 7.). Jakob kjøpte den andre halve parten av faren, bnr. 5, i 1876 for 600 kroner + y2 følge. Dei fekk 3 barn:

1. Sivert Jakobson Vigre, f. 6-9 1877 (60.).
2. Jon Jakobson, f. 4-3 1879, d. på Nærbo, ugift. Han hadde vore sjømann.
3. Regine, f. 8-2 1881, gift med Ole Tobiasson Reime (Vigre 63.).

53. Søren Sivertson Vigre, bror til 51. og 52., f. 25-3 1849, d. 24-8 1923, gift 8-7 1876 med Anna Enoksdtr. Varhaug, f. 16-1 1856, d. 25-12 1928, dotter til Enok Albretson Varhaug og kona Anna Gabrielsdtr. (sjå Sør-Varhaug 92. 5.). Søren var husmann under Peder og Jakob så seint som i 1906. Søren og Anna Vigre hadde 9 barn:

1. Sem, f. 15-7 1877.
2. Rakel Karina, f. 23-7 1879, d. 30-9 1930, ugift.
3. Enevald, f. 12-11 1881, d. 19-4 1896.
4. Andrea, f. 28-9 1886, gift på Stangeland, Sandnes.
5. Søren, f. 28-9 1886. Reist til Amerika.
6. Eilert, f. 29-8 1889. Reist til Amerika.
7. Kristine, f. 12-3 1892, gift på Sandnes.
8. Jørgen, f. 10-11 1894, d. i USA i Iste verdenskrig.

9. Enevald, f. 20-10 1898. Han tok over plassen som han selde til Jakob Olson Vigre i 1955.

54. **Peder Ivarson**, son til 47., f. 8-4 1848, d. 8-4 1921, gift 28-3 1878 med Maria Tønnesdtr. Njærheim, f. 22-4 1857, d. 11-4 1915, dotter til Ingeborg Tobie Jonsdtr. Njærheim og Tønnes Mikal Kristoferson Haga i Håland (Bjorland 15. 3.). Peder Ivarson tok over bnr. 7 etter faren i 1890. Attåt gardsbruket var han myllemeister hjå Lutlaget Vigre Mølle. Dei fekk 6 barn:

1. Ingvald Vigre, f. 26-7 1878 (sjå Skjærpe 48.).
2. Per Vigre, f. 26-7 1878, Ingvald sin tvillingbror (sjå Næsheim 115.).
3. Berta, f. 30-5 1883, d. 22-1 1911.
4. Tobias Vigre, f. 3-4 1887, gift 25-11 1911 med Lena Tønnesdtr. Mathingsdal, fødd i Oгна 17-6 1890, dotter til Tønnes Taraldson Mathingsdal i Oгна og kona Lea Jakobsdtr. — Tobias tok over bruket etter faren i 1912 (sjå 65.).
5. Jon Adolf Vigre, f. 22-2 1891, gift 27-6 1915 med Gina Møller, f. 1890 (sjå Bjorhaug 17. 1.). Han er handelsmann.
6. Magnus Vigre, f. 22-4 1902.

55. **Gabriel Hansson Skretting** (Skretting, Varh. 83. 3.), var fødd 29-7 1830, død 30-9 1915. Gift 27-6 1860 med Johanna Jonasdatter Reime, fødd 4-8 1832, død 28-5 1914 (Reime 36. 2.). — Gabriel var husmann under bnr. 2 så seint som i 1900. Dei hadde 3 barn:

1. Hanna Tomine Gabrielsdatter, f. 21-8 1860, d. på Lode 8-10 1885, gift 30-3 1882 med Jonas Erikson Reiestad (sjå Lode 65.).
2. Justine Marie Gabrielsdtr., f. 5-12 1868, d. 16-6 1932, ho var ugift.
3. Govert Gabrielson Vigre, f. 1-2 1875, d. 10-8 1962, ugift. Govert kjøpte plassen på Vigre av Enevald Kristianson Vigre i 1906. Han var snekker.

56. **Kristian Rasmusson Refsnes** — (sjå Refsnes 5. 5.), var fødd 12-7 1852, død 7-11 1910. Gift 1) 17-4 1877 med Anna Ellingsdatter Vigre (45. 2.) fødd 19-12 1850, død 6-9 1887. Gift 2) 1888 med Ingeborg Margreta Abrahamsdtr. Erga, fødd i Klepp 14-4 1853, død 8-11 1923, dotter til Abraham Pederson Erga og kona Marta Bendiksdtr. Friestad. — Kristian fekk kjøpa heile bruket, bnr. 2 og 3, av vermora og Høylands Kirkekassee i 1882 for 700 kroner med følge. Han hadde 4 barn i første gifte og 1 i andre:

1. Enevald Vigre, f. 30-4 1879 (61.).
2. Rasmus Vigre, f. 11-6 1882 (62.).
3. Karen Vigre, f. 23-4 1884, d. 15-2 1968, gift med Martin Martinson Erga.
4. Kristian Vigre, f. 25-5 1886, død i Montana.
5. Anna Margreta Vigre, f. 31-5 1889, d. 18-11 1962, ugift.

57. **Lars Olson Vigre** (Myllaren), son til 48., f. 1-5 1857, d. 25-2 1925, gift 20-3 1884 med Olina Hansdtr. Njærheim, f. 1-12 1856, d. 24-8 1938 (Njærheim 10. 1.). — Lars Vigre tok over bnr. 9 av faren i 1887. Han var mange år med i Nærbø heradsyre og var ordførar og varaordførar. — Han var ein framifrå dugande gardbrukar og føregangsmann i svineavl. Det var han som gjorde opptaket til reising av grynmylla på Vigre, som han dreiv saman med Torger og Martin Edland. Eller kanskje det var faren som gjorde første opptaket til å få mylla reist. Men Lars heldt fram etter faren heilt til dei nye elektriske mylnene kom i gang. Lars og Olina Vigre fekk 6 barn:

1. Ole (Olav) Vigre, f. 10-3 1885 (64.).
2. Ingeborg, f. 30-11 1887, gift 2-12 1922 med Torger Obrestad (Obrestad 45.).
3. Hans, f. 18-2 1890, død i Amerika.
4. Ingvald, f. 26-1 1892, d. 11-4 1893.
5. Ingvald Vigre, f. 21-12 1893 (66.).
6. Berta, f. 7-4 1896, gift 2-2 1923 med Rasmus Jonson Opstad (Opstad 101.).

58. **Elias Peterson**, son til 50., f. 7-3 1863, d. på Sunde i Håland 30-12 1949, gift 12-3 1891 med Severine Rasmusdtr. Malde, f. i Håland 1865, d. 9-4 1950. Elias tok over bnr. 6 etter faren i 1894. I 1911 selde han og flutte til Sunde i Håland. — 8 barn var fødte på Vigre:

1. Kirstine, f. 20-2 1892, d. 26-6 1899.
2. Petter, f. 13-5 1893, d. 22-4 1964, gift med Bertine Asbjørnsen. — Budde på Myklebust i Håland.
3. Klara Dorthea, f. 22-8 1894.
4. Ragnhild, f. 6-11 1896, gift med Lars Sundal, Sunde, d. 10-7 1964.
5. Emly Kristine, f. 18-12 1899, gift med Paul Olsen Holmevik.
6. Bjarne, f. 14-1 1902, gift med Martine. Bur på Sunde.
7. Rasmus, f. 6-9 1903.
8. Signe Elisa, f. 3-3 1906.

59. **Ola Larsson Vigre**, son til 49., f. 19-5 1864, d. 30-6 1912, gift 11-4 1890 m. Ingeborg Hansdtr. Njærheim, f. 26-8 1869, d. 17-12 1899 (Njærheim 110. 5.). Ola tok over bnr. 1 etter faren. Dei fekk 6 barn:

1. Olina, f. 30-7 1890, d. 20-3 1906.
2. Lars Olson Vigre, f. 1-1 1892, gift 8-5 1915 med Klara Næsheim, f. 30-5 1895 (Næsheim 112. 5.). Lars tok over bnr. 1 etter faren i 1912.
3. Kirsten Maria, f. 20-2 1892, gift 11-11 1916 med Torgny Kvia, f. 9-1 1896 (sjå Njærheim 132. 3.). Bur på Vigre.
4. Hans, f. 16-9 1895, d. 2-12 1895.
5. Hans, f. 3-11 1896, d. 18-11 1896.
6. Hanna, f. 5-3 1898, d. 24-7 1915.

60. Sivert Jakobson, son til 52., f. 6-9 1877, d. 5-4 1938, gift 26-10 1906 med Ingeborg Gurine Svendsdr. Høyland, f. 14-6 1875 (Sjå Rimestad 62. 2.). Sivert tok over bnr. 4 etter farbroren Peder Sivertson i 1906. Seinare fekk han bnr. 5 etter faren. Desse 2 partane har sidan vore eit bruk. Dei fekk 6 barn:

1. Johan, f. 15-11 1906, gift 1944 med Agnes Voll, f. i Klepp 10-6 1913. Bur på ein part av farsgarden, Skoglive, bnr. 22.
2. Berte, f. 11-11 1907, d. 14-12 s. å.
3. Sven, f. 19-6 1909, d. 14-7 1914.
4. Berte, f. 8-5 1911, gift med Arne Slethei, Re, Bryne. Død 14-10 1965.
5. Sverre Vigre, f. 17-3 1913. Han tok over hovedbolet, bnr. 4 og 5 i 1938.
6. Elen, f. 11-12 1915, gift 1933 med Ingebret Salte, Rimestad.

61. Enevald Kristianson, son til 56., f. 30-4 1879, d. 9-4 1967, gift 27-3 1906 med Seline Eliasdr., f. 5-6 1883, Enevald vart tilskreven bnr. 2 og 3 ved skiftet etter mora i 1889 for 1826 kroner. Han for til sjøs i ungdomen, men i 1906 tok han over bruket av bnr. 2, medan faren ennå stod for bnr. 3. I 1911 tok broren Rasmus Vigre over bnr. 3. Enevald og Seline Vigre har hatt 8 barn:

1. Arne Vigre, f. 7-12 1906, d. 21-5 1942. Han vart skoten i Trandumskogen, gift 2-4 1940 med Magda Anestad, f. 24-4 1910. Ho bur på Nærbø (sjå Anestad 103. 8.).
2. Sigurd Vigre, f. 21-10 1910, gift 23-5 1936 med Borghild Obrestad, f. 2-1 1912. Bur på Vigre, bnr. 21 (Obrestad 40. 7.).
3. Karsten Vigre, f. 26-4 1909, gift 2-7 1932 med Janna Gurine Fuglestad, f. i Oгна 20-4 1907. Son: Endre Vigre, gift 1965 Anne Elise Bredal, Stavanger.
4. Erling Vigre, f. 3-4 1912. Han brukar hovedbolet, bnr. 2, sidan 1946.
5. Elen Oline, f. 30-12 1914, gift 9-7 1951 med Jonas Egeland.
6. Einar Kornelius, f. 9-2 1919, d. 9-7

1951, gift 11-5 1946 med Olina Vigre, f. 7-5 1921.

7. Sigrid, f. 11-5 1922, gift 25-6 1949 med Leiv Frøvik, f. i Imsland 10-3 1921. Handelsmann på Vigre.
8. Agnes, f. 18-8 1923, gift 3-1 1948 med Petter Undheim, f. i Time 21-2 1923. Anleggsarb. Bur på Vigre.

62. Rasmus Vigre, bror til 61., f. 11-6 1882, d. 20-10 1965, gift 18-10 1930 med Bertine Lervik, f. i Nærbø 11-5 1898, dotter til skomakar Rasmus Lervik og kona Jørgine Torgersdr. (sjå Skjærpe 47. 1.). Rasmus tok over bnr. 3 etter faren i 1911. Rasmus var mange år sekretær i Nærbø Likningsnemnd. Kassarar i Nærbø Trygdekasse. Dei har 4 barn:

1. Aslaug, f. 4-8 1931, gift 6-7 1954 med Arne Salte, Hetland.
2. Joron, f. 27-10 1932, gift 1955 med Hans Elias Ueland.
3. Kåre Vigre, f. 23-10 1933, gift med Gunvor Salte. Forpaktar av faren.
4. Ragnar Vigre, f. 20-3 1935, gift med Greta. Han er sjømann. Busett i USA.

63. Ole Tobiasson Høyland Vigre (sjå Høyland 157. 1.), f. 2-11 1884, gift 1) 20-4 1907 med Regine Vigre, f. 8-2 1881, d. 25-2 1925 (52. 3.), gift 2) 31-8 1929 med Karen Tønnesdr. Djøseland, f. 14-2 1901. Han fekk ein part av Vigre av ver-faren kring 1910, bnr. 15. I 1928 selde han til Torgny Kvia og flutte til Varhaug. Han hadde 10 barn i første gifte og 6 i andre:

1. Berta O. Vigre, f. 24-9 1907, d. 31-3 1921.
2. Anna O. Vigre, f. 23-12 1908.
3. Ragna Synøve Vigre, f. 19-10 1911, d. 5-6 1912.
4. Jakob O. Vigre, f. 28-5 1913, gift med Helga Sør Reime (Sør Reime 41. 11.) Bur på Vigre.
5. Tobias O. Vigre, f. 6-10 1914, d. 8-3 1936.
6. Signe Vigre, f. 22-4 1916, gift med Jakob Gudmestad (Njærheim 147. 3.).
7. Ragna Vigre, f. 17-4 1918, d. 9-4 1919.
8. Olga Vigre, f. 17-10 1920, død.
9. Berta Vigre, f. 29-1 1923, gift med Karl Wohlgefart (Bø 168. 8.).
10. Regina Vigre, f. 14-2 1925, d. 22-2 1928.
11. Tønnes O. Vigre, f. 30-8 1930, gift med Joron J. Bø (Kvia).
12. Margretha Vigre, f. 6-10 1931, gift med Magne P. Hatteland.
13. Olga Kristine Vigre, f. 13-5 1933, gift med Norvald Håland.

14. Aksli Vigre, f. 15-8 1934, gift med Haldor Mossige.
15. Regine Vigre, f. 30-3 1936, gift med Magnus Braut.
16. Klara O. Vigre, f. 24-10 1939, gift 20-10 1962 med Rasmus Auestad, Varhaug.

64. Olav Larsson Vigre (57. 1.), f. 10-3 1885, d. 6-1 1963. Gift 5-4 1913 med Janna Torland, fødd 26-4 1890 (Torland 75. 4.). Olav Vigre tok over bnr. 9 etter faren.

Barn:

1. Lars O. Vigre, f. 3-4 1914, gift 1940 med Astrid Hobberstad, fødd 6-9 1917 (Hobberstad, Varhaug 52. 9.). Bur på Åse i Klepp.
2. Olina Vigre, f. 7-5 1921, gift 1946 med Einar Vigre (61. 6.), f. 9-2 1919, d. 9-7 1951.
3. Bjarne Vigre, f. 16-4 1923, d. 1925.
4. Toroll Vigre, f. 21-9 1919 (81.).
5. Harald Vigre, f. 16-8 1924, gift med Aslaug O. Aarsland, Vigrestad, — og har overteke farsgården hennar.
6. Bergit Vigre, f. 2-9 1926, gift med Ivar Nærland (Nærland 58. 3.).

65. Tobias Pederson Vigre, son til 54., f. 3-4 1887, d. 1-10 1967. Gift 25-11 1911 med Lena Tønnesdotter Matningsdal, f. 17-6 1890, dotter til Tønnes Andreas Taraldson Matningsdal i Ognå og kona Lea Jakobsdtr. Tobias tok over bnr. 7 i 1912 etter faren. Barn:

1. Peder T. Vigre, f. 7-6 1912, gift m. Torbjørg Ødemotland (Ødemotl. 21. 4.).
2. Tønnes T. Vigre, f. 23-8 1913, gift med Grace Melborne, Australia. Han omkom ved krigsforlis 6-9 1943.
3. Maria T. Vigre, f. 17-7 1916, gift 1940 med Holger Heiberg, f. i Sola 20-3 1917. Bur på Njærheim (171.).
4. Trygve T. Vigre, f. 7-5 1918, gift med Randi Lund.
5. Liv T. Vigre, f. 18-1 1921, gift med Toralv Gudmestad (Njærheim 147. 1.).
6. Berge T. Vigre, f. 30-12 1923, gift med Ingeborg Johannesen.
7. Lars T. Vigre, f. 22-10 1926.
8. Hjørdis T. Vigre, f. 15-2 1928, gift 1951 med Henry Skår, Høyland.

66. Ingvald L. Vigre, son til 57., f. 21-12 1893. Gift 20-2 1932 med Marta O. Kvia, f. 31-1 1911 (Kvia 72. 4.). Ingvald kjøpte bnr. 20 (gamalt bnr. 6) i 1921, som faren hadde kjøpt av Elias Pederson (58.). — Dei har 5 barn:

1. Lars I. Vigre, f. 9-9 1932, gift 1960 med Ruth Espedal.

2. Oli I. Vigre, f. 21-6 1934, gift 15-8 1959 med Kjell Vestersjø, Forsand.
3. Otto I. Vigre, f. 25-8 1935, gift 1968 med Grethe Undheim.
4. Realf Vigre, f. 6-8 1937.
5. Hans I. Vigre, f. 18-5 1942, gift 1963 med Gerd Skrettingland (37. 1.).

67. Lars O. Vigre, son til 59, fødd 1-1 1892. Gift 8-5 1915 med Klara Næsheim, f. 30-5 1895 (Næsheim 112. 5.). Lars tok over bnr. 1 etter faren i 1912. Dei har hatt 10 barn:

1. Ola L. Vigre, f. 17-1 1916, gift 1945 med Edith Espedal, f. 21-8 1823. Brukar farsgården (70.).
2. Rasmus L. Vigre, f. 8-2 1917, gift 19-11 1949 med Margrete Espedal. Bur på Vigre. (71.)
3. Hans L. Vigre, f. 16-8 1918.
4. Ingeborg L. Vigre, f. 10-5 1920, gift med Leif Håland (sjå Njærh. 140. 4.).
5. Leif L. Vigre, f. 7-3 1922, gift 14-3 1953 med Ingrid Stokkeland, (Varh. 134. 3.).
6. Sverre L. Vigre, f. 20-3 1925. I Amerika.
7. Sigurd Vigre, f. 8-5 1926, d. s. å.
8. Sikke Serina Vigre, f. 26-12 1927, gift 21-7 1950 med Ola Varhaug (135. 1.).
9. Kari L. Vigre, 10-7 1930, gift 1955 med Sverre Friestad, Ognå.
10. Odd L. Vigre, f. 7-1 1934, gift 1968 med Kjellaug Kvia.

68. Torgny Kvia (sjå Njærheim 132. 3.). Fødd 9-1 1896. Gift 11-11 1916 m. Kirsten Maria Vigre, f. 11-10 1893, d. 3-5 1965 (Vigre 59. 3.). Han kjøpte bnr. 15 av Ole Tobiasson i 1928. Har vore linjearbeidar ved elektrisitets- og telegrafverket. Barn:

1. Kornelius (Kåre) Kvia, f. 10-3 1917, gift 5-8 1950 med Margit Bernsen. Er ved elektrisitetsverket i Nærbø.
2. Otto T. Kvia, f. 6-11 1918, forpaktar på Kvia. H. Anestad.
3. Lilly Kvia, f. 17-9 1921, gift 1956 med Ivar Mandal.
4. Ingeborg Kvia, f. 5-1 1924, gift 1945 med Ingvald Sinnes.
5. Trygve Kvia, f. 5-1 1924, gift 10-9 1949 med Ranveig Nærland, f. 21-11 1925 (Nærland 58. 4.).
6. Sverre Kvia, f. 3-8 1925, gift med Kari Brønwich.
7. Magnar Kvia, f. 24-4 1928, gift 13-12 1969 med Eldbjørg Leidland.
8. Harald Kvia, f. 23-3 1930, gift 1955 med Edith Varhaug (135. 4.).
9. Gunleif Kvia, f. 1-4 1932, gift 20-7 1957 med Kjellaug Anestad (119. 6.).

10. Gudrun Kvia, f. 15-6 1934, gift 1956 med Per Haaland, Njærheim.
11. Norodd Kvia, f. 9-10 1940.
69. Govert Gabrielson (55. 3.), f. 1-2 1875, d. 10-8 1962, ugift. Han kjøpte plassen av Enevald Vigre i 1906, bnr. 14. Govert Vigre var snikker og bygningsmann.
70. Ole Larsson (67. 1.), f. 17-1 1916, gift 1945 med Edith Espedal (Njølstad 25. 1), f. i Ognå 21-8 1923. Han brukar fars-garden, bnr. 1. — Barn:
1. Leidulf, f. 15-12 1946, gift 1967, med Olga Maria Salte.
 2. Tarald, f. 17-12 1947.
 3. Omund, f. 21-2 1949.
 4. Klara, f. 10-6 1950.
 5. Magne, f. 3-9 1951.
71. Rasmus Larsson (67. 2.), f. 8-2 1917, gift 1949 med Margreta Espedal, søster til Edith. Han brukar ein part av fars-garden. — Barn:
1. Kjellaug, f. 30-7 1952.
 2. Møyfrid, f. 19-12 1954.
 3. Livar, f. 21-11 1958.
72. Johan Sivertson (60. 1.), f. 15-11 1906, gift 1944 med Agnes Voll, f. i Klepp 10-6 1913. Han eig ein part av farsgarden, Skoglive bnr. 22. Barn:
1. Steinar, f. 16-1 1945, gift med Astrid A. Reime, Nærbø.
 2. Harald, f. 17-12 1946.
 3. Georg, f. 22-6 1948.
 4. Arne, f. 16-12 1949.
73. Sverre Sivertson (60. 5.), f. 17-3 1913. Han tok over hovedbruket etter faren, bnr. 4 og 5.
74. Erling Enevaldson (61. 4.), f. 3-4 1912. Tok over hovedbruket etter faren, bnr. 2 i 1946.
75. Sigurd Enevaldson (61. 2.), f. 21-10 1910, gift 1936 med Borghild (Obrestad 40. 7.) Tok over ein part av farsgarden, bnr. 21. — Barn:
1. Einar, f. 5-3 1937, gift med Ingeborg Helvig Vigrestad.
 2. Oddfrid, f. 13-4 1940, gift 9-5 1959 med Johannes Hobberstad (61. 1.).
 3. Reidar, f. 24-7 1941.
 4. Signe, f. 24-7 1944, gift med Odd Om-land, Brusand.
 5. Sigbjørn, f. 24-3 1948.
76. Lars Halvardson Salte, son til Halvard Kristianson Salte og Karen Johanna, f. Ove i Stavanger, f. i Stavanger 23-7 1898, gift 1923 med Gunda Othilde Nord-Var-haug (Reiestad 53. 2.), f. 24-1 1905. Han er snikker. Kjøpte ein part av bnr. 22. Barn:
1. Halvard Skanke Salte, f. 16-9 1923, gift med Malena Karlsdtr. (Njærh.).
 2. Arne Salte, fødd 31-1 1925, gift med Aslaug (Vigre 62. 1.).
 3. Kjellaug Salte, f. 23-10 1935, gift med Thor Holmen.
 4. Rein Ove Salte, f. 5-1 1940.
 5. Gunvor Salte, f. 20-12 1943, gift med Kåre R. Vigre.
77. Halvor H. Salte, bror til 76., f. 25-11 1918, gift med Klara Håland (Njærheim 140. 8.), f. 22-2 1921. Han er snikker. — Kjøpte ein part av bnr. 22 i 1947. Barn:
1. Kari Salte, f. 23-10 1939, gift med Per O. Vold, Vigrestad.
 2. Brynjulf Salte, f. 20-8 1941.
 3. Kjersti Salte, f. 6-7 1947.
 4. Helga Salte, f. 25-8 1953.
78. Jakob O. Vigre (63. 4.), f. 28-5 1913, gift med Helga (S-Reime 41. 11.), f. 7-10 1910. — Han kjøpte bnr. 19 av Enevald Sørensen (53. 9.). Han er fiskar og små-brukar. — Barn:
1. Rønaug, f. 30-12 1942.
 2. Arvid, f. 23-4 1945.
 3. Marit, f. 12-3 1947.
 4. Oddvar, f. 11-7 1948.
 5. Herdis, f. 27-8 1950.
79. Leif Johan Frøvik, f. på Imsland 10-3 1921. son til Torjus og Elen Maria Frøvik, gift 1949 med Sigrid (Vigre 61. 7.), f. 11-5 1922. Han kjøpte Skogtun av verfare i 1950 dreiv handel, seinare postkjørar. — Barn:
1. Marit, f. 27-2 1953.
 2. Snefrid, f. 27-2 1953.
80. Peder T. Undheim, f. i Time 21-2 1923, son til Tildor og Ingebjørg Undheim, gift 1948 med Agnes (Vigre 61. 8.), f. 18-8 1923. Han kjøpte Skogbakken av verfare. Barn:
1. Irene Synnøve, f. 9-5 1948.
 2. Tor-Erik, f. 11-4 1950.
 3. Aud Perly, f. 8-2 1955.
81. Toroll O. Vigre (64. 4.), f. 21-9 1919. Tok over bnr. 9 etter faren.
82. Tor P. Vigre (son til 65. 1.). Tok over bnr. 7 etter farfare i 1968.
83. Kåre R. Vigre (62. 3.), f. 23-10 1933, gift med Gunvor Salte (Vigre 76. 5.), f. 20-2 1943. Han tok over bnr. 3 etter faren.

G.nr. 16. Næsheim

Næsheim uttalast Næsei. Kjem av nes = heimen på neset, der Haa-åno krøkjer seg frå Bjorland i ein skarp boge til Alvanæset på Njærheim, der ho lagar eit anna nes.

Næsheim hadde ei korn landskuld på 6 pund i 1723. — Då åtte presten Ludvig Schultz 2 pund og Rasmus Sørbø 1 pund. Dei andre 3 pund åtte brukarane. Garden strekkjer seg langst Haa-åno frå Bjorland til Vigre og skifter ellers med Lode, Skjærpe og Bjorland. Lendet er mest heilt flatt med mykje sump og myrland millom turrare heiestrok. Der har vore mange gravhaugar på Næsheim, og sume ligg ennå synberre. Det var her den dansk-ætta Johan Mandius Køhler kjøpte 10 gardsbruk i 1855 og skipa til ein "Herregaard" etter dansk mønster. Og då han hadde spela konkurs i 1870, gjorde brørne Berner same freistnaden, som enda med ein så å seia øydelagd storgard ikring 1900. Då kom garden atter på bondehender, som sidan då har gjort Næsheim til ein av dei mest veldrevne gardar i Rogaland, for ikkje å seia i heile landet, skift i snart like mange bruk som der var før Køhler si tid.

NAMNEREGISTER

1. Herleik 1519/21
2. Lauritz 1519/21
3. Berit 1563
4. Lauritz 1563
5. Anund 1563
6. Gunstein 1563
7. Halvard 1591/1613
8. Berthor 1603/13
9. Asbjørn 1613/26
10. Tore Nesemb 1618
11. Orm?
12. Olluff
13. Snare
14. Lauritz Sigmundson

15. Anfinn Berntson
16. Nils Ormson
17. Lauritz Johannesson
18. Guri Olsdr.
19. Osmund Helgeson
- 19B. Jens Lauritzson
20. Jon Larsson
21. Helge Osmundson
22. Jørgen (Halvardson?)
23. Ola Svenson
24. Nils (husmann)
25. Johannes
26. Erik
27. Ola Asbjørnson (Bø)
28. Øystein Olson
29. Ola Erikson
30. Johannes Anfinnson
31. Lars Fransson (Høyland)
32. Omund Jonson
33. Tolleiv Erikson
34. Jens Larsson
35. Torgier Omundson
36. Johannes Olson
37. Halvard Olson
38. Eivind Pederson (Obrestad)
39. Salmon Hansson (Odland)
40. Jon Larsson
41. Ola Knutson
42. Kristen Jonson
43. Torkel Olson
44. Samuel Ellingson (Njærheim)
45. Tore Eshager Besseson
46. Lars Besseson
47. Kornelius Pederson
48. Elling Samuelson
49. Sven Erikson Renhard
- 49B. Tollak Svenson (Hetland)
50. Erik Larsson
51. Halvard Svenson (Tjensvoll)
52. Nils Eivindson
53. Nils Olson (Bø)
54. Erik Erikson
55. Ola Nilsson
56. Peder Svenson (Ivarson?)

- 56B. Halvard Nilsson
 57. Ola Svaleson
 58. Kristen Erikson
 59. Ola Halvardson
 60. Hans og kona
 61. Gitle Omundson
 62. Elling Eivindson (Bjorhaug)
 63. Jon Torkelson
 64. Ola Torkelson
 65. Torkel Torkelson
 66. Samuel Ellingson
 67. Sven Hansson (Risa)
 68. Lars Ellingson
 69. Nils Nilsson
 70. Ola Simonson
 71. Erik Olson
 72. Hans Rasmusson
 73. Gullik Olson (Orstad)
 74. Erik Kristenson
 75. Hans Svenson (Haugland)
 76. Eivind Ellingson
 77. Elling Samuelson
 78. Rasmus Samuelson
 79. Samuel Rasmusson
 80. Sven Larsson
 81. Nils Kristenson
 82. Omund Nilsson
 83. Ole Johannes Olson
 84. Jon Olson (Torland)
 85. Johannes Gullikson
 86. Elling Kristenson
 87. Elling Eivindson
 88. Gabriel Torjusson
 89. Hans Rasmusson (Bø)
 90. Morten Olson (Djøseland)
 91. Villas Olson (Tjåland)
 92. Kristian Gjermundson (Herikstad)
 93. Eivind Olson (Re)
 94. Torger Omundson (Skjæveland)
 95. Oliver Hansson (Hognestad)
 96. Sven Olson (Kydland)
 97. Erik Pederson (Håland)
 98. Asbjørn Rasmusson (Bø)
 98B. Ola Jonson
 99. Ola Eivindson (Høyland)
 100. Eivind Eivindson (Høyland)
 101. Elias Ellingson
 102. Johan Mandius Køhler
 103. Nils Brostrup Dorthin Berner (Brødrene Berner)
 104. Sven Tjølson
 105. Mads Pederson
 106. Rasmus Toreson (Gudmestad)
 107. Knut Olson (Høyland)
 108. Peder Asbjørnson (Varhaug)
 109. Ola Larsson (Helvig)
 110. Aanen Fredrikson Leikvoll
 111. Ole Gabriel Olson (Øksnevad)
 112. Rasmus Olson
 113. Gabriel og Tønnes Nærland
 114. Tobias Gudmestad
 115. Per Pederson Vigre
 116. Tobias T. Gudmestad
 117. Trygve Gudmestad
 118. Otto Gudmestad
 119. Njål Nærland
 120. Olav G. Nærland
 121. Sigurd Nærland
 122. Gustav Gudmestad
1. **Herleik** er nemnd på Næsheim 1519/21.
 2. **Laurits** nemnd 1519/21.
 3. **Berit** er nemnd 1563. Ho skatta 2 lodd sylv.
 4. **Laurits** nemnd 1563. Skatta 1 dalar og 1 ort.
 5. **Ånund** nemnd 1563. Skatta 1 dalar.
 6. **Gunstein** nemnd 1563. Skatta 5 ort.
 7. **Halvard** nemnd 1591 og 1602/13.
 8. **Berthor** nemnd 1603/13.
 9. **Asbjørn** nemnd 1613/26. Han åtte V₂ vett i Stangeland.
 10. **Tore Nesemb** måtte bøta IV₂ dalar i 1618 for han hadde slege Jens Lode sitt barn med eit "snørre-biedsell". Den 31. januar 1618 "frambkom Jenns Hinde, Knud Høeland och Thore Nesemb her for Retten (på Hårr) och gaff thillkiende, hurledis de med velbiurdige Gabriell Krussis schrifftlige steffning aff Lauritz Store Suelle y Bierkerims skibred vare steffnnid her at møde vdj Rette, och ike forne Lauritz nu møtte dennom sag att giffue, ey heller nogenn paa hanns vegne hanns loglig forfaldz vinnde her emod att gjørre, och fordi nu første anden och thrideganngh bød denom emod hannom vdj Rette, och var dom begierinndis. Bleff derfor saa for Rette affsagtt, att forskreffinne Lauritz Suelle skall thillforpligtt verre epter det 9 cap; vdj thingfarbolkenns formelling att igienngiffue och betaile till forne Jens Hinde, Knud Høelland och Thore Nesemb kost och theringh fraa dieris huus och till dieris huus igienn vdj dette maall epter sex vuillige mennds billig schiønn, loglig thillneffnt, och derforvdenn att bøde till kong: may: 8 ørttuger och 13 marker sølff vdj steffnnefalld inndenn monitzdag epter att betaile." — Så mykje for Tore Næsheim etter Tingbok Nr. 3. — (Ola Aurenes si avskrift side 90.)

11. Orm? Var kanskje gift med Guri Olsdtr. som var enkje på Næsheim i 1645. Ellers veit me ikkje meir om han.

12. Olluff Nesemb er omskriven i Tingboka Nr. 6, side 215: "OHuff Nesemb och hans hustru som erre bortrømt, deris godtz er tillfunden vnder kong: maytz och kronen, som er 4y2 pund korn, och høe och halm vorderet for 2 r:dir: Her aff betalt till jordroten landschyld j pund, ledingh Vj spand och tiende offuer alt halffelleffte spand. Jtem huseschade j pund korn. Louglig giæld till Knud Gudmandstad for kiørleye paa Bøe kirkis vegne j ort. Item Olluff Reme udj vitterlig giæld y> dir: Det som rester er kong: maytz: till beholt. Noch schafferen for sin umag j ort."

13. Suare (Snare?) Nesemb og Erik Bratland var tildømde å betala Jørgen Adamson: Snare y> dalar og Erik 4y2 mark og 4 skilling i 1623. Andre stader er ikkje Snare Nesheim nemnd.

14. Laurits Sigmundson er nemnd på Næsheim 1626/45. Han åtte 2 vetter i Risa i 1626. Hadde kona, 2 søner og 2 døtre, og skatta 1 dalar i 1645. Veit ikkje meir om han.

15. Anfinn Berntson nemnd 1645/65. Han var fødd kring 1600, hadde kona og ei gjenta i 1645 og skatta 1 ort. Brukte y2 pund i 1665. Den 24-11 1657 "fremkom for Retten Andfind Nesimb med vores velbaarne Leensherres schriftlige steffning, huormed hand steffner Thorgier Aasze, formedelst 4y> W: korn aarlig landschiuld, hans odel for Nesimb, som hand och hans formand schal haffue fra hannem foruden tilbørlig vederlag etc. Der er nemnde 3 søner:

1. Johannes Næsheim, f. 1649 (30.).
2. Tore Bø, f. 1657 (Bø 33.).
3. Mikkel, f. 1659, nemnd i 1665, men ikkje seinare.

16. Nils Ormson er nemnd i 1645 med kona og 1 son og skatta 1 ort. Han kunne vore son til 11. Nils Næsheim var innstemnd til vitne i ei sak millom Rasmus Auestad i Varhaug og dei Odland, i 1651.

17. Laurits Johannesson nemnd 1645/65, fødd kring 1600. Hadde kona og skatta 16 skilling i 1645. Brukte 1 pund i 1665. Han hadde ein stykson, Siver Jonson, som budde på Næsheim og i 1667 "haffr giffuit sig under sin broder, Jens Lau-

ridzen Nesemb hans lifftid, och derimod hand at niude hans formue.", Lauritz Johannesson hadde 2 søner som er nemnde:

1. Jens Næsheim (19B.).
2. Johannes, f. 1648, var heime i 1665, seinare ikkje nemnd.

18. Guri Olsdotter var enkje på Næsheim i 1645. Ho hadde ein dreng og ei gjenta og skatta 1 ort. Ho var kanskje enkje etter Orm (11.), og mor eller stykmor til Nils Ormson (16.)? Men dette er berre gissing.

19. Osmund Helgeson er nemnd på Næsheim 1645 og 1665. Han var fødd kring 1600, død 1676, skifte etter han 20-9 det året. Kona heitte Karen Ormsdotter. Var ho kanskje søster til Nils Ormson? Osmund var laugrettesmann i 1644. Han brukte 3 vetter = 18 spand, i 1665. — 2 barn er nemnde:

1. Helge Osmundson Næsheim, f. 1642 (21.).
2. Sissel Osmundsdr., gift med Peder Kverme i Oгна.

19B. Jens Lauritsson, son til 17., hadde teke over faren sin part (1 pund?) i 1668. Han er ikkje nemnd seinare.

20. Jon Larsson Næsheim brukte 2 pund i 1665. Han var fødd kring 1620. Det er uvisst kvar han var frå. Han var laugrettesmann i 1656. Kona er ukjend. Jon var sjølveigar, og i 1682 selde han 1 pund i Næsheim til sonen Omund og 10 spand til Torgier Nedre Aase. Eg har ikkje funne skifte som kan gje opplysning om korkje kona eller barn, men eg har meint at dei fylgjande var hans barn:

1. Omund Jonson Næsheim, f. 1660 (32.).
2. Maren Jonsdotter, gift med Asbjørn Gunnarson Bø, Bø 35.?)
3. Astrid Jonsdr., gift med Lars Frants-son Næsheim, 31.?)

21. Helge Osmundson (19. 1.), fødd kring 1642. Brukte 1 vett i 1665, gift med Astrid Gunnarsdr., syster til Levard Varhaug og Gunnar Ølbør. I 1667 hadde Omund Hårr stemnt Helge Næsheim på Magle Friestad sine vegne, for 2 dalar som Helge hadde skulda henne for løn. Helge var død før 1685. Der er nemnde 3 barn:

1. Eli, og
2. Malena, som bae levde i 1685.
3. Ole, f. 1665, død før 1685.

22. Jørgen (Halvardson?) var gift med enkja etter Helge Osmundson, — Astrid

Gunnarsdr. Han døde i 1685 utan livsarvingar. Ei syster, Joron, var gift med Bård Skjeldet. Det var nok ikkje berre Magle Friestad som hadde løn tilgode hjå Helge Næsheim. I 1675 stemnde Ola Stokkeland Astrid Næsheim på Tormod Kverme sine vegne for 8 aars løn og klede. Astrid sin mann, Jørgen Næsheim, møtte og sa at "hans Quinde" ikkje var skuldig noko til Tormod. Retten godtok ikkje dette, og Astrid vart dømd å betala skulda.

23. Ola Svenson Næsheim var frå Efjestad i Varhaug (sjå der 9. 2.). Han var fødd kring 1645, og der var skifte etter han 10-4 1676. Kona heitte Karen Larsdr. som sidan vart gift med Johannes Anfinnson Næsheim (30.). Ola Svenson let etter seg 3 barn:

1. Johannes, var til sjøs i 1713 (36.?).
2. Ola, var død før 1713.
3. Kirsten, var 30 år og ugift i 1713. Truleg er den alderen ikkje rett, for ho var fødd før 1676.

24. Nils var husmann hjå Laurits Johannesson i 1665. Han var 80 år, og kunne vel vore den same som 16.?

25. Johannes Næsheim var død før 1655. Han hadde vore gift med Barbro Jonsdr. og hadde ein son, Laurits, som var død før 1691. Det er muleg at denne Laurits Johannesson var den same som 17.? — Barbro Jonsdr. var sidan gift med Erik Næsheim (26.).

26. Erik Næsheim kjenner eg ikkje meir til, enn at han var gift med enkja etter Johannes, Barbro Jonsdr. som der var skifte etter 26-3 1691. Erik var død før 1665, og Barbro gifte seg att med Ola Asbjørnson (27.). Erik og Barbro hadde 3 barn:

1. Johannes, f. 1657, d. før 1691.
2. Ingeborg, og
3. Anna (veit ikkje meir om dei).

27. Ola Asbjørnson Bø (sjå Bø 19. 3.), fødd kring 1625, gift 1) med enkja etter Erik, Barbro Jonsdr., d. 1691, gift 2) med Eldrid. Den 1-12 1692 var Ola Asbjørnson Næsheim stemnd for Retten av ei Karen Eivindsdr. som hadde pantsett ein stakk og ei trøya til kona hans, Eldrid Næsheim, for 2 dalar. Eldrid hadde seinare selt desse klede til Tolleiv Kvasheim for 2 dalar. Nå kravde Karen Eivindsdr. kleda att. Ola Asbjørnson skauv ansvaret frå seg, avdi handelen var gjord

før han var gift med Eldrid. Ola Asbjørnson er nemnd på Næsheim i 1701, og brukte 1 pund. I 1708 var han husmann på Primstad i Varhaug. Han hadde ikkje barn i første gifte, men ein son av 2dre gifte er nemnd i 1701:

Lauritz, fødd kring 1697.
Ola åtte $3\frac{1}{2}$ spand i Bø i 1675.

28. Øystein Olson var truleg son til Ola Pederson Rønneberg og kona Sygni Øysteinsdotter. Han var fødd kring 1630 og levde i 1676. Han brukte 1 pund i Næsheim i 1665. Gift med Anna Knutsdotter Njærheim (Njærh. 27. 4.), som der var skifte etter 20-9 1676. Dei hadde 4 barn:

1. Tolleiv Øysteinson Rjoa, f. 1650, gift med Inger Pedersdr. Rjoa.
2. Ola Øysteinson.
3. Berit Øysteinsdr., f. 1660, gift med Øystein Svaaleson Myklebust i Håland.
4. Sygni Øysteinsdr.

29. Ola Erikson Bratland (sjå Bratland i Varhaug 5. 1.). Han var fødd kring 1648. Det er uvisst kva tid han døde, men han var på Næsheim i 1701, og var gift med Berit Helgesdotter Vigre (sjå Vigre 9. 3.). Stort meir veit me ikkje om han. Berre ein son veit me om:

1. Erik Olson Hårr, f. 1690 (sjå Hårr 27.).
- (2. Kanskje var denne hans dotter: Randi Olsdr., gift med Halvard Olson Næsheim, 37.?)

30. Johannes Anfinnson, son til 15., var fødd kring 1649, og budde på Næsheim i 1701. Han var gift 1) med enkja etter Ola Svenson (23.), — Karen Larsdotter, som der var skifte etter 26-1 1713, gift 2) med Anna Toresdotter Odland, fødd kring 1680, død 1719, skifte 20-10 (sjå Odland 15. 4.). Han var komen til Njærheim i 1720, og året etter byksla han 1 pund i Næsheim til Rasmus Johannesson. 4 barn av første gifte:

1. Rasmus Johannesson Næsheim, f. 1682.
2. Guri Johannesdr., f. 1687, var ugift i 1713.
3. Anna Johannesdr., f. 1693, gift med Torger Omundson (35.).
4. Lars Johannesson, f. 1694.

31. Lars Frantsson Høyland (sjå 14. 1.), var fødd kring 1658, død 1695. Gift med (Astrid Jonsdr. Næsheim, 20. 3.?). Lars Frantsson kjøpte 12 spand i Næsheim av Laurs Reiestad og ein mann som heitte Asbjørn i Aasen i 1684. Kanskje Asbjørn Torkelson N. Aase? — Lars Frantsson og Astrid Jonsdr. hadde 6 barn:

1. Jon Larsson Næsheim, f. 1684 (40.).
2. Frants Larsson, f. 1685.
3. Lars Larsson, f. 1686.
4. Elias Larsson, f. 1687.
5. Ola Larsson, f. 1693.
6. Ola Larsson d. y., død før 1701.
- (7. Erik Larsson Næsheim, var 60 år i 1746. Eg har funne han nemnd i tingbøkene IV side 140, V 271 og VI 142.)

32. **Omund Jonson**, son til 20., var fødd kring 1660. Gift med Ingeborg Torgiersdotter frå N. Aase i Klepp. Omund Jonson kjøpte 2 spand av Laurits Reiestad i 1684, samstundes som Lars Frantsson kjøpte dei 12 spand. Eg har ikkje funne skifte etter dei, og me veit om berre ein son:

1. Torgier Omundson Næsheim, f. 1692 (35.)
- (2. Birgithe Omundsdr. f. 1685?)

33. **Tolleiv Erikson** er nemnd på Næsheim i 1701, 36 år gamal. Han var gift med enkja etter Lars Frantsson, Astrid Jonsdotter. Dei var barnlause. (Sjå Høyland 20. 1.)

34. **Jens Larsson Næsheim** var fødd kring 1666, død på Frøyland i Time 1740, skifte 26-7. Gift 1) med (Kirsten Jakobsdr.?) som var død før 1700. Gift 2) med Magnhild Pedersdr., død 1723, skifte 1-2 det året. Gift 3) med Kari Eriksdr., fødd kring 1690, skifte 2-4 1748, dotter til Erik Pederson Pollestad i Klepp og Elisabet Tormodsdr. Jens Larsson var komen til Frøyland i Time før 1720. Han hadde 1 barn i første gifte, 4 i andre og 3 i tredje:
1. Jakob Jensson, f. 1686 (Skjærpe 13.).
 2. Lars Jensson Mid Salte (Ytre?), fødd 1692, gift med Ingeborg Eriksdotter Pollestad.
 3. Kirsti Jensdr., var gift i Drammen.
 4. Sygni Jensdr., gift med Peder Knutson i Stavanger.
 5. Kari Jensdr., død i Stavanger 1777, ugift.
 6. Jens Jensson Frøyland, f. 1724, gift med Anna Nilsdr.
 7. Erik Jensson Netland, f. 1727, gift 1) med Ingeborg Ingebretsdr. Netland, gift 2) med Anna Eriksdr. Fotland.
 8. Peder Jensson, f. 1734, d. 1745.

35. **Torgier Omundson**, son til 32., var fødd kring 1692. Gift med Anna Johannesdotter Næsheim (30. 4.). — Der var skifte etter begge 13-10 1742. Rasmus Sørbø åtte jordegodset, 1 pund i Næsheim, som Johannes Anfinnson hadde brukt. Det er truleg at Anna Johanna

var dotter hans. Ola Larsson Høyland var verge for barna. Der er nemnde 5 barn:

1. Ingeborg Torgiersdr., f. 1722.
2. Eli Torgiersdr., f. 1723.
3. Lars Torgierson Njærheim, fødd 1725 (Njærheim 69.).
4. Malena Torgiersdr., f. 1728, truleg ho som tente på Todneim i Randaberg i 1754.
5. Kari Torgiersdr., f. 1732, tente på Obrestad i 1758.

36. **Johannes Olson** var truleg son til 23. Han er nemnd på Næsheim i 1718, 50 år gamal. Sidan finn me han i Futerekneskapen frå 1723 til 1733. Han hadde ein stykson, Johannes Anfinnson (sjå 23. 1.). Eller var han son til Ola Larsson Reiestad i Varhaug (sjå der 9. 2.), og bror til Lars Olson Njærheim? — Det siste er kanskje mest truleg, sidan han var på Næsheim alt i 1701, som det heiter i 1718. Denne Johannes tente hjå presten Leganger på Haa i 1701. — Johannes Olson brukte 1 pund som presten Schultz og hans medarvingar åtte i 1723. I 1742 kan det sjå ut som Eivind Pederson brukte og åtte denne parten. Me kjenner korkje kona eller barn til Johannes Olson.

37. **Halvard Olson** er nemnd saman med Johannes Olson på Næsheim i 1723 og sidan heilt til 1750. Han brukte 1 pund som Schultz åtte i 1723/25, men som Eivind Pederson åtte i 1750. — Ludvig Schultz, som hadde ått desse 2 pund, pantsatte det til toldar Ebbel i 1724, og Ebbel hadde selt iy2 pund til Peder Valentinsen i 1737. Det er uvisst kven Halvard Olson var, men eg har tenkt, at han kanskje var son til Ola Halvardson Mauland i Time og kona Marta Karlsdotter. Var det han, så tente han på Bø i 1701 og var då 14 år gamal. Han var gift med Randi Olsdotter (sjå 29. 2.), som var syskenbarn til Helge Anundson Opstad, og truleg stykdotter til Peder Helgeson Njærheim. Barn er ikkje nemnde.

38. **Eivind Pederson Obrestad** (Obrestad 13. 1.). Fødd kring 1700, skifte 2-12 1749, gift med Malena Nilsdotter Sør-Reime (sjå der 12. 3.). Der var skifte etter henne 22-11 1760. Eivind må ha kjøpt 2 pund av Schultz, truleg den parten som Johannes Olson hadde brukt og det som Halvard Olson brukte. — 2 barn:

1. Nils Eivindson Næsheim, f. 1736 (52.).
2. Berta Malena Eivindsdr., f. 1738, d. 1792, ugift.

39. Salmon Hansson Odland (sjå Odland Varhaug 9. 1.), var fødd kring 1678, skifte 5-3 1737, gift 1702 med Anna Vikansdr. (sjå Sør-Varhaug 20. 3.). Salmon kjøpte 3 vetter i Næsheim av Omund Jonson (32.) i 1702. Han brukte dessutan 1 vett (6 spand) som Lars Frandtzson sine arvingar åtte i 1723. Han kom seinare til Njærheim, der han heldt skifte. Der er nemnde 3 barn:

1. Hans Njærheim, (sjå der 62. 6.).
2. Vikan, f. 1712, gift med Malena Jonsdr. (sjå Ånestad, Varhaug 35.).
3. Karen.

40. Jon Larsson (31. 1.), fødd kring 1684, skifte 12-12 1742, gift 1) med enkja etter Ola Torgierson Haugland i Time, Guri Eriksdr. (sjå Bjorland 3. 5.), gift 2) med Kirsten Karlsdr., fødd kring 1685, død 3-5 1765, dotter til Karl Johannesson Vigrestad i Varhaug (sjå Høyland 20. 7.). Jon hadde teke over 1 pund i 1709 som han brukte saman med dei 5 brørne sine i 1718, og som han åtte 1723/45, eller rettare var det enkja som brukte frå 1742. Ho heMt skifte med barna i 1749. Der var då 2 barn av første gifte og 2 av andre:

1. Ola, f. 1712, d. før faren.
2. Lars Lode, f. 1716 (Lode 31.).
3. Guri, f. 1724, gift med Torkel Olson Næsheim (43.).
4. Frants, fødd kring 1728, død i Stavanger 1790, gift med Berta Eriksdotter (Lode 32. 2.). Han var bøkkar i Stavanger.

41. Ola Knutson Næsheim var der skifte etter 13-10 1751. Det er uvisst kvar han var frå, og kva tid han var fødd. Men eg har gissa på at han var son til Kunt Gullikson Frøyland i Time og kona Randi Olsdr. (Risa 18.). Dei hadde nemleg ein son som heitte Ola og var 14 år i 1717. Denne Ola har det vore uråd å finne att nokon annan stad korkje død eller i live. Men sjølv sagt vil eg ikkje påstå at det var han. Ola Knutson var sersjant. Han var gift med Elisabet Rasmusdotter, og det er det same med henne og, at eg ikkje veit kvar ho var frå. Men som med Ola, så har eg ei eg har festa meg ved, nemleg dotter til Rasmus Pederson Søre Kalberg i Time og kona Kirsten Lauritsdr. Dei hadde nemleg ei dotter, Lisbet som var 20 år i 1719, og som det har vore uråd å finne att annan stad. Nå er Frøyland og Kalberg så å seia grender, så det var lett for dei å koma saman, om nå ho var eit par år eldre enn han. Der er

likevel det aber med det, at dei måtte vore svært unge då dei gifta seg, berre kring 20 år og snaut nok det, å døma etter barna deira. Rett nok veit me ikkje plent kva tid barna var fødde, men stort seinare enn i 1720 kunne det snaut vore. Dei hadde 2 døtre:

1. Ingeborg Olsdotter, død 1754, gift med Asbjørn Sivertson (Sjurson) Tødneim i Høyland.
2. Gunhild Olsdr., død 1747, gift med Nils Olson Gudmestad (sjå Gudmestad 16.).

Den 22-5 1750 vart det halde Ekstra-rett på Hobberstad, der Ingeborg Olsdr. Lindal var innstemnd klaga for å ha født i dulsmål 3 barn, som ho hadde teke livet av ved fødselen. Denne Ingeborg Lindal hadde tent hjå sersjanten Ola Knutson Næsheim i 8 år. Ho tilstod barnedrapa, og la Ola Knutson ut som far til alle barna. Ola vedgjekk at han hadde hatt samband med Ingeborg, men nekta at han visste noko om korkje fødsel eller barnedrapa. Det vart ei lang rettsak som enda med dødsdom for Ingeborg Olsdotter. Eg skal skrive domen ordrett etter Tingbok nr. 81:

”Foruden de udj denne sag avhørte vidner, deels giver formodning til delinqventinden Ingeborg Olsdatter Nesses begangne mistenkelige omgang, i den lange tiid hun har været i tjeneste hos Sergiant Ole Knudsen, og hvilchet alt icke tilfulde er bleven aabenbaret førend den 14de April, da hun baade av qvinder er bleven forfaret, at have avlet børn, saa og tillige bragt under arrest. — Saa er og hendes egen inden denne Rett frjvillig gjorde bekiendelse, det fornemste og u-svigeligste beviis i den heele sag, nemlig at hun har fød 3de børn i dølsmaal, og hvorav hun dog ickun tilstaar det sidste at have haft liv, det hun har qvelt med een traa, men de andre 2de første gives fore at være dødfød. Og da lensmanden, Tosten Haabberstad, med de 2de mænd, Svend Helliesen Opstad og Rasmus Olsen Haaland, som besigtelsesmænd, den 25de April næst efter, bær ydermeere vidnesbyrd, hvorledes de har forfunden formelte sidst dræbte barn, efter delinqventindens egen anviisning, hvor det laa udj een myr strax ved gaarden Nesses, der det blev optagen og bragt til gaarden, bemelte Nesses, som alt sammen nærmere av denne domsact er at fornemme.

Thj udj betractning av saadan denne sags omstendigheder, bevis, og den skyldiges egen bekiendelse, samt paa grund av Lovens 6te Bogs 6te Capitel 7de og

8de Articul, den Høykongelige Forordning av 7de Februarj 1749, bliver at Oss herom saaleedes for Rett Kiendt og Dømt og Avsagt, at formelte delinqventinden, Ingeborg Olsdatter Næssem, bør for saadan hendes 3de sinde begangne grove mord, av skarpretteren at knibes med gloende tener 3de gange imellem gierningstædet og retterstædet. Dernæst hendes høyre haand levendes avhugges med een øxe, og hendes hoved paa liige maade med een øxe afkappes, samt legemet av Natmanden at legges paa steigle, item hovedet tillige med handen at fæstes paa een stage ovenover legemet. Hvorved Allerhøyst bemelte Kongelige Love allerunderdanigst er opfyldt."

Og så til slutt: "Hendes hivedlod, om nogen måtte opdages, henfalder til Hans Kongelige Majestæts Casse."

Den 11. november 1750 møtte Ola Knutson Næsheim for retten på Hobberstad, for å svara for seg med omsyn til hopehavet med Ingeborg Olsdotter Lindal. — Han gjorde eid at han ikkje hadde visst om barnefødslane og barnedrapa. Og Ingeborg hadde og for retten sagt han fri for å ha visst om eller hjelpt henne med å drepa barna. Dommen lydde slik: "Foruden det som av denne sags omstendighed, formedelst de førte vidner, kan, udledes er end ogsaa indstevnte forrige Sergiant Ole Knudsen Nessem egen bekiendelse med delinqventinden Ingeborg Olsdatter udj 4 aar har haft legemlig omgiengelse, og udj hvilchen tiid hun har avlet 2de børn med ham, som begge, efter hendes bekiendelse, ere dræbte og fød i dølsmaal, og endskiønt det kunde være formodelig, at hand saadan hendes omgang icke kunde være aldeles uvidendes, saa dog, siden hun selv har frjtaget og undskyldt ham derudj, kan denne Rett ej heller kiende ham deelagtig eller medviider udj hendes grove misgierning. Men da hand ellers ansees 2de gange at have forseet sig i sit ægteskab med lejermaal, saa avsiiges og dømmes for Rett, at hand efter den Høy-Kongelige Forordning, datt: 6te December 1743, bør bøde til deres Kongl. Majestæts Casse $\frac{1}{w}$ deel av hans boeslod, følgelig i rettelagde registrations-forretning over hans boe, og desuden 2de gange dobbelte lejermaalsbøder, item i conformite av Lovens 6te Bogs 13de Capitel 25de Articul, være landet strax forviist.

Angaaende qvinden, Elisabet Rasmusdatter, da, som av de førte vidners forklaringer tildeels kan udfindes, efter hendes egne ord og talemaader med tøsene Inge-

borg Olsdatter, at hun ligesom skulle have haft viidenhed om hendes barnefødsel og børns drab, efterdj hun har brugt saa dure expressioner imod hende, at hendes hoved burde ligge ved hendes bag, etc, og alligevel icke i tiide saadant aabenbared, saa hendømmes hun udj spindehuuset for hendes livstiid. Alt at efterkommes under lovlig tiid og adfærd." Ola Knutson døde, som før sagt, på Næsheim i 1751. Og Elisabet Rasmusdatter vart frikjend ved Høgsteretts-dom, og budde på Næsheim fleire år etter. I 1763 selde Sivert Asbjørnson Todneim odelsretten sin til 1 pund i Næsheim til Ola Halvardson. Sivert Asbjørnson var dotter-son til Ola Knutson.

42. Kristen Jonson Næsheim var truleg frå Lyngdal. Han finst ingen stad i mantallet for 1758, men i Futerekneskapen er han nemnd på Næsheim frå 1746 til 1758, derimot kan det sjå ut til at han har brukt eller ått jord på Line. I 1745 byksla Kristen Jonson Line 1 pund i Næsheim av Rasmus Johannesson Sørbo i Høyland. I 1749 kjøpte han 1 pund i Næsheim av Eivind Pederson si enkje, og i 1746 kjøpte han 1 pund av Rasmus Sørbo. Han står då og som eigar av 1 pund i Næsheim både i 1746 og til 1758. I 1754 selde han 1 pund i Næsheim til Tollak Svenson Skjærpe, og kjøpte att 18 spand i Skjærpe av Rasmus Hansson i 1756. Han er ikkje oppført på Line i futerekneskapen, heller ikkje på Skjærpe. Kristen Jonson var gift med Aasa Bjørnsdotter, som der var skifte etter på Næsheim 18-3 1766. Sidan er ikkje Kristen nemnd. Aasa var truleg og frå Lyngdal. Dei hadde 3 døtre:

1. Gitlaug Kristensdtr., f. 1722, gift med Erik Larsson (50.).
2. Aasa Kristensdtr., — gift med Tore Jonson Salte.
3. Maren Kristensdtr., f. 1736, gift 1) med Erik Erikson Næsheim (54.), gift 2) med Ola Nilsson (55.).

42B. Rasmus (Johannesson?) Næsheim (var kanskje son til Johannes Anfinnson nr. 30). Den 13-3 1738 er innført i Tingboka: "Hrr. Jørgen Henrich Abells udgivne skiøde til Hrr. Commers Raad Peder Vallentinsen paa IV₂ pund kornskyld udj gaarden Nessem, som lejlændingerne Ole og Rasmus bruger og beboer, og 8 spand korn udj Varhaug, alt med bøxel og herlighed." Eg skulle helst vilja tru at dette ikkje er rett, at det ikkje er Næsheim det gjeld, for der var ikkje noko

på Næsheim som Valentinsen åtte. Men det står i boka!

43. **Torkel Olson** var på Næsheim i 1758. Han var fødd kring 1720, død 1775, gift med Guri Jonsdtr. (40. 3.), fødd kring 1724. Torkel fekk skjøte på 12 spand av verfaren i 1742, og i 1762 kjøpte han 1 pund av vermora for 27 Rdr. I 1764 gjorde Erik Larsson Lode, kona sin brorson, odelskrav på 1 pund i Næsheim. — Eg siterar frå Panteboka: ”14-11 1764. Hr. Sorenskriver Hercules Weyer: Da jeg finder mig odels- og løsningsberettiget til 1 pund i Næssem i Quie, efter min afdøde fader, Lars Jonsen Næssem, som afg. min farfader Jon Larsen Næssem's ældste søn og den tid odelsmand til godset, saa efterdi jeg nu er i min 25 aars alder, og ikke for nærværende tid har penge til at indløse bmt. mit odelsgoods med, er det jeg hermed ærbødigst begiærer af deres velædelhed ville publicere for Retten min pengemangel, og samme publication her paa Thinge. Oftmeldte mit odelsgoods bruges for nærværende tid af Torkel Olsen Næssem. Erich Larsen Lode.”

Denne odelssaka vart det visst ikkje gjort framgang med. I 1756 hadde Torkel Olson selt 6 spand til Elling Samuelson. Han hadde og pantsett 24 spand i Næsheim til Rasmus Olson Nærland for eit lån på 24 Rdr. Torkel og Guri Næsheim hadde 6 barn:

1. Jon Torkelson Næsheim, f. 1751 (sjå 63.).
2. Karen, f. 1754, var ugift i 1801.
3. Ola Næsheim, f. 1759 (64.).
4. Samuel, f. 1757, d. før 1775.
5. Guri, f. 1763.
6. Torkel Næsheim, f. 1766 (65.).

44. **Samuel Ellingson Njærheim** — (sjå Njærheim 54. 1.), fødd kring 1705, skifte 15-12 1741, gift med Siri Rasmusdotter Håland, f. 1698, d. 1763 (sjå St. Håland 6. 3.). Samuel må ha bytt bruk med Salomon Hansson kring 1735 og brukte 1 pund, som enkja brukte frå 1741. — I 1742 var ho gift att med Kornelius Pederson. Samuel og Siri hadde 3 barn:

1. Elling Næsheim, f. 1730 (48.).
2. Samuel Sele, f. 1732, gift med Malena Pedersdtr. (Kvia 21. I.). Han var nok først gift med enkja etter Livard Gunnarson Sele frå Sør-Varhaug, Guri Knutsdtr. (sjå S. Varhaug 27. 4.).
3. Gitlaug.
4. Marta, 17 år i 1757, tente hjå Nils Olson Gudmestad, men er ikkje nemnd i skiftet etter Samuel?)

45. **Tore Eshager Besseson** var frå Lista. Han var gift med Ragnhild Nilsdtr. som der var skifte etter 14-10 1751. Ho var syster til Finchel Nilsson Aamodt i Lister lehn. Tore hadde kjøpt 1 pund i Næsheim av enkja Malena Nilsdtr. som Halvard Olson hadde brukt, i 1750, for 20 Rdr. I 1759 selde han same til korporal Sven Erikson. Ved skifte etter Ragnhild er nemnde 3 barn:

1. Nils Henrik, f. 1751.
2. Berit, f. 1744.
3. Rebekka, f. 1747.

Tore budde på Kjørve på Lista i 1759, då han gav skjøte til Sven Erikson.

46. Lars Besseson var bror til Tore. Han hadde fenge skjøte på 24 spand i Næsheim frå Omund Søyland i 1730 for 20 Rdr. Me veit ikkje meir om han.

47. **Kornelius Pederson (Sele?)** vart gift med enkja etter Samuel Ellingson (44.), Siri Rasmusdotter, og budde på Næsheim frå 1746 til 1753. Sidan flutte han til Sele i Klepp, der det var halde skifte etter Siri 24-1 1763. Dei hadde ei dotter:

- Karen korneliusdtr., f. 1767, gift 1) med Isak Torstenson Stavnheim, gift 2) med Peder Rasmusson Næse, budde på Sele.

48. **Elling Samuelson**, son til 44., var fødd kring 1730, død 14-12 1803. Gift 1755 med Karen Larsdotter, fødd i Time kring 1718, død 15-12 1796, dotter til Lars Skiljanson Årestad. Elling løyste ut mora og syskena sine 18 spand i 1756, og mora og verfaren flutte til Sele. Elling hadde sjølv arva 6 spand etter faren. Resten, 6 spand, åtte ein som heitte Lars Vestnes. Elling og Karen hadde berre 2 barn:

1. Samuel Ellingson Næsheim, fødd 1757 (nr. 66).
2. Lars Ellingson Næsheim, f. 1759 (68.).

49. **Sven Erikson Renhard** var son til Erik Halvardson Kverneland, truleg frå Hadland i Time, og kona Joron Bårdsdtr. som der var skifte etter 27-4 1742. Han var på Sæland i Time i 1751, då han var stemnd for Haugland Skipreide-ting for leiermål med Ingeborg Knutsdotter som tente på Njærheim (sjå Tingbok VII side 80, 108, 137 og 160). Den 14-2 1759 fekk Erik Svenson skjøte på 24 spand i Næsheim av Tore Besseson for 35 dalar. Same året pantsatte han dei 25 spand til Peder Olson Ueland for 40 dalar, og i 1764 byksla han og Peder Ueland 24 spand i Næsheim til Ola Svaleson. Sven Erikson

var sersjant. Han var gift med Astrid Rasmusdotter Ueland (sjå der 23. 5.). — 2 døtre:

1. Elen Karina, f. 1753, gift 1795 med Arne Jakobson Årsvoll.
2. Anna Kirstina, f. 1767, gift 1) med Ola Olson Gudmestad, gift 2) med enkjemann Knut Olson Grøtheim (sjå Gudmestad 24. og 30.). (Sven Erikson var f. 1720, d. før 1775.)

49B. Tollak Svenson var frå Hetland i Oгна. I 1754 kjøpte han 1 pund i Næsheim av Kristen Jonson (42.), men om han budde der er uvisst. I 1756 kjøpte han atter av Kristen Jonson 18 spand i Skjærpe og budde sidan der (sjå Skjærpe 16.).

50. Erik Larsson var son til Lars Jensson Ytre Salte frå Næsheim og kona Ingeborg Eriksdtr. (sjå 34. 2.). Han var fødd kring 1735, død 1763, gift med Gutlaug Kristensdotter Næsheim (42. 1.), fødd kring 1722. Erik Larsson er ikkje nemnd i futerekneskapen, men han heitte Erik Næsheim då skiftet etter han var halde 27-7 1763. Enkja gifta seg att med Halvard Svenson som brukte 1 pund, som vel var den parten som Kristen Jonson hadde kjøpt av enkja Malena Nilsson (38.). — Truleg hadde Erik Larsson og brukt dette 1 pund. Dødsbua hans åtte $\frac{1}{2}$ pund i Næsheim. Han let etter seg 3 barn:

1. Kristen Erikson Næsheim, fødd 1762 (58.).
2. Magnhild Eriksdtr., f. 1757, d. før 1763.
3. Asselina Eriksdtr., f. 1760, d. før 1780.

51. Halvard Svenson Tjensvoll var son til Sven Halvardson Tjensvoll i Time og kona Malena Omundsdtr. (Risa 32. 2.). Han var fødd kring 1728, død på Gudmestad 16-5 1805, gift 1) 1763 med enkja etter Erik Larsson Næsheim, — Gitlaug Kristensdotter som døde i 1780, gift 2) 1780 med Marta Josefsdtr. Kalberg (nei ho var den tredje kona, den andre var Sogni Olsdotter Taksdal). Sogni døde i 1794 og Marta Josefsdtr. døde 30-4 1804. Halvard Svenson brukte 12 spand som bua etter Gitlaug Kristensdotter åtte. — Halvard Svenson var barnlaus.

52. Nils Eivindson, son til 38., fødd kring 1736, skifte 18-6 1779, gift med Inger Halvardsdotter (sjå Bø 49. 7.), fødd kring 1740, død 1812. Nils løyste inn 1 pund i Næsheim av mora i 1760 for 30 dalar. Inger gifta seg 2) med Peder Svenson

Mæland i Varhaug, som døde i 1800. — Nils og Inger hadde 6 barn:

1. Eivind Nilsson, f. 1760.
2. Halvard Nilsson Næsheim, fødd 1763 (69.).
3. Nils Nilsson Næsheim, f. 1767 (69.).
4. Malena Nilsson, f. 1771, død som enkje på Næsheim 1837.
5. Gabriel Nilsson, f. 1774, gift med Guri Einarsdtr. i Stavanger.
6. Anne Nilsson, f. 1777, tente på Obrestad i 1798.

53. Nils Olson Bø (Bø 54.) budde på Næsheim i 1758. Han hadde kjøpt 1 pund i Næsheim av Sven Rasmusson Mossige i 1756, som Sven sin bror, Torsten Rasmusson, hadde ått. Ingen av desse er nemnde i Futerekneskapen. Dette var den parten som Ola Knutson hadde brukt. Han selde til Ola Halvardson i 1764, og budde sidan på Bø. (Sjå meir om han der.)

54. Erik Erikson var bror til Tore Erikson Tjøtta i Klepp. Han var fødd kring 1736, død kring 1785, gift med Maren Kristensdotter Næsheim (42. 3.), fødd kring 1736. Erik åtte 12 spand i Næsheim, som ved skiftet gjekk til enkja med 6 spand og til broren Tore Tjøtta med 6 spand. — Ein Peder Tollakson ser ut til å ha brukt desse 12 spand før Erik, og er nemnd i Futerekneskapen i 1768. Og i 1769 var Ola Svaleson på den parten (sjå 57.). Etter Erik kom Ola Nilsson. Erik Erikson hadde ikkje barn.

55. Ola Nilsson var gift med enkja etter Erik Erikson, Maren Kristensdtr. i 1785. Han budde på Næsheim i 1801. I 1805 byksla han 8 spand i Høyland, der han budde ei tid, men kom tilbake til Næsheim, der han døde 2-8 1819, 66 år gamal. Maren døde 29-7 1814 (sjå Høyland 59.).

56. Peder Svenson (Ivarson?) var som nemnt under 32. gift med enkja Inger Halvardsdotter. Eg har trutt at han var frå Mæland i Varhaug og heitte Peder Svenson. — Men han er og kalla Peder Ivarson. Han må ha teke over 1 pund med kona, som han selde i 1785 til styksonen Halvard Nilson. Truleg har lian så flutt heim til Mæland att med Inger, og då han var død i 1800 har vel Inger flutt heim att til Næsheim, der ho budde som enkje i 1801 og hadde oppsett.

56B. Halvard Nilsson (52. 2.), fødd kring 1763, kjøpte 1 pund av stykfare Peder Svenson i 1785. I 1788 selde han same

til Ola Svenson Salte for 240 Rdl., og byksla same året 4y2 spand i Mauland, som verfar hans, Peder Gunnarson Mauland hadde brukt. Halvard var nemleg gift i Time i 1786 med Ane Berte Pedersdtr. som var dotter til Peder Gunnarson Mauland frå Fuglestad i Oгна og kona Malena Pedersdtr. — På Mauland budde Halvard til kring 1792. I 1792 er han husmann på plassen Holen under Bjorland, og i 1796 er han på Gjero under Bø, der han budde til 1803, då han flutte til Næsheim att, der han døde 20-1 1838 og Ane Berte 3-7 1831. Halvard Nilsson og Ane Berte hadde 9 barn:

1. Nils, f. på Næsheim 1786, gift i Stavanger 1816 med Marta Kristine Kristensdtr. — Han hadde ein son u. e.: Abraham (sjå Høyland 67. 1.).
2. Malena, f. på Mauland 1788, gift 7-6 1822 med Sven Gustavson Fogleberg på Høyland (skal vera Gustav Anderson, sjå Høyland 74.).
3. Halvard, f. 1788, Malena sin tvilling.
4. Eivind, f. på Mauland 1791, gift i Time 24-11 1816 med Tobie (Torborg?) Olsdtr. Høyland i Time. Budde på Håland i Time, seinare på Rosland i Klepp.
5. Ingerd, f. på Holen 9-12 1792, gift 1-11 1818 med Ola Larsson Rossaland. Budde på Engelsvåg og Mæland i Klepp.
6. Peder, f. på Bø 1-5 1796, gift i Klepp 2-12 1821 med enkja Marta Jonsdtr. Engelsvåg, f. Sveinsvoll. — Budde på Engelsvåg.
7. Ane Berte, f. på Bø 2-8 1801. Ho var visst ikkje gift, men fekk 4 barn: 1. Rakel Tollaksdtr., f. på Næsheim 2-3 1820, gift i Klepp 28-6 1849 med Hans Elias Eivindson Rosland (syskenbarn). 2. Taletta Tollaksdtr., f. på Næsheim 12-2 1823, gift i Stavanger 17-10 1856 med bygningsmann Rasmus Jakobson Efstad (Efstad 48. 3.). 3. Ole Johannes Jonson, f. på Næsheim 16-3 1828, gift 1) i Klepp 23-4 1851 med Ingeborg Karine Jonasdatter Sirevåg, gift 2) 8-4 1858 med Julianne Joakime Rasmusdtr. Øksnevad. Budde på Engelsvåg i Klepp. 4. Judithe Eliasdtr., f. 20-11 1834, gift i Klepp 8-3 1878 med Ola Olson Engelsvåg.
8. Rakel, f. på Bø 29-7 1798, død på Næsheim 16-2 1804.
9. Marta Malena, f. (1803?), gift 6-7 1847 med Ole Gunderson Tvedt i Stavanger. Ho hadde 2 barn u. e.: 1. Elen Kirstina Eliasdtr., f. på Næsheim 9-7 1827, gift i Klepp 22-3 1849 med Jonas Jonson Reiestad, sjømann (S-Varhaug 75. 3.).

2. Anna Maria Eliasdtr., f. på Næsheim 14-2 1834. — Far til begge var Elias Kristoferson Lintjörn.

57. **Ola Svaleson** byksla 24 spand i Næsheim av Sven Erikson Renhard og Peder Olson Ueland i 1754. Han hadde før butt på Ueland og Skretting i Varhaug (sjå der Ueland 21. og Skretting 35.). Han er ikkje nemnd seinare, og det er uvisst kvar det vart av han.

58. **Kristen Erikson** (50. 1.), fødd kring 1767, død 1-5 1814, gift i Time 1787 med Maren Nilsdtr. Mauland, f. 1765, d. 7-10 1833, dotter til Nils Ingebretson Årestad og kona Marta Ellingsdtr. frå Tjåland. Dei budde først på Mauland, der eit eller to av barna var fødde, så var dei på Rimestad 1796/97, og på Holen i Time til 1804. I 1804 tok Kristen over 24 sp. i Næsheim, 12 sp. av Ola Nilsson og 12 sp. av Halvard Svenson (55. og 51.). Dei hadde 6 barn:

1. Erik Næsheim, f. 1787 (74.).
2. Nils Kristenson Næsheim, f. 1791 (81.).
3. Kristian Lerbek, fødd 22-1 1797 (sjå Lerbek, Varhaug 27.).
4. Elling, f. på Holen 1800 (sjå 86.).
5. Ola, f. på Næsheim 21-10 1804, gift 3-6 1830 med Elen Gunnarsdtr. Vigrestad (Vigrestad 29. 7.). Budde i Stavanger.
6. Andreas Kristenson Høyland, fødd 2-5 1808 (Høyland 114.).

59. **Ola Halvardson** (sjå Bø 49. 4.), f. på Årestad i Time 1733, skifte etter han 13-6 1783, gift med Marta Olsdtr. Ola kjøpte 1 pund i Næsheim av Nils Olson (53.) og odelsretten til same av Sivert Asbjørnson Todneim, i 1764. I 1776 selde han 1 pund i Næsheim til Hans Andersson Våge i Ryfylke for 96 rdl. Han byksla det att i 1779. Ola Halvardson budde på Årestad i 1758. Seinare var han ei tid på Høyland (sjå der 47.). — Der er nemnde 4 barn:

1. Guri, f. på Årestad 1756, død før 1783.
2. Halvard Høyland, f. 1757 (Høyl. 49.).
3. Ola Olson Høyland, f. 1760 (Høyl. 48.).
4. Berta, f. 1763, gift med Sven Hansson Næsheim (67.), gift 2) med Lars Ellingson Næsheim (68.).

60. **Hans og kona** er oppførde i futerekneskapen med 1 pund i 1769, og Kristen Jonson (42.) står som eigar av same. Før dei står Tollak Svenson (49B.), både som brukar og eigar av dette pund. Som me har sett, hadde Tollak kjøpt 1 pund av

Kristen Jonson i 1754. Dette pund må ha falle tilbake til Kristen. Eg er mest huga å tru, at dette var den parten som Ola Svaleson (57.) byksla i 1754. Denne Hans var nok frå N-Varhaug (sjå der 18. 4.).

61. Gitle Omundson brukte og 1 pund frå kring 1760, som Nils Eivindson åtte (52.). Han kom seinare til Njørheim (sjå der 70.). Gift med Kirsten Olsdr.

62. Elling Eivindson (sjå Bjorhaug 5. 2.), fødd kring 1739, død 8-11 1815, gift med enkja etter Sven Erikson Renhard, Astrid Rasmusdotter (49.). Ho døde 8-5 1828. Elling åtte dette pund frå 1776. Der er nemnde 2 barn:

1. Eivind Næsheim, f. 1776 (76.).
2. Maren, f. 1773.

63. Jon Torkelson (43. 1.), fødd kring 1751, død 7-4 1834, gift med Guri Olsdr., fødd kring 1740, d. 2-2 1822. Uvisst kven ho var. I Panteboka under 15-5 1779 finn me dette: "Efter at jeg efter min far-fader Jon Larsen Lode virkelig var odels og løsningsberettiget til 24 spand i Næssem, som for kort tid siden er bleven brugt af Torkel Olsen Næssem, har jeg og derpå anket som hosfølgende protocol-udtok cedviver. Den da af mig i min enfoldighed til det ordinaire Ting andlagde sag, viser at sagen til aasteden den 21-10 1768 blev henvist til lovligere behandling og afgjørelse — Udi aaret 1771 og siden den tid har jeg bestandig vedblevet at paa-anke dette gods saavel ved beskikkelser som ved Stevne, og videre. Men formedelst min svagheit i fornuff og forstands brug, saa og min fattigdom, har ei dermed videre bleven gjordt. Men da Gud i den første begivenhed har ladet mig erholde min forstand tilbage, saa haver jeg og eftertengt at jeg som en aldeles boslids-mand og ei har noget at ernære mig af videre end en daglønner, at udløse dette gods som jeg nu formerker bruges af Jon Torkelsen, der i afvigte aar skal være indført for gaarden. — Men jeg tviler paa at derpaa noget skjøde er udstedt, til hvilken ende jeg og agter paa lovlig maade at anlegge sag og søgsmaal, men forinden anmelder jeg hermed inden retten dette med begjær at samme maatte blive tinglyst og mig mod betaling vedhørlig ekstraheret.

Stavanger den 15 Mai 1779.

Erik Larsen Lode."

Jon Torkelson vart buande på Næsheim,

og Erik Larsson Lode døde truleg før 1787. Jon hadde berre ei dotter som me veit om:

Berta Jonsdr., f. 1780, gift med Hans Svenson (75.).

64. Ola Torkelson på Pollestad frå 1796 (43. 3.), var bror til Jon. Han var fødd kring 1759, død 28-1 1829, gift med Malena Rasmuédtr. (Kvia 22. 3.), fødd kring 1754, død 27-4 1827. Me veit ikkje kvar dei budde før 1810, men det året løyste Ola ut Hans Svenson med 1000 rdl. for 24 spand i Næsheim. Same året byksla han ein hage som vert kalla Kalvehagen, til gjenta Anna Nilsdr. (truleg 52. 6.), ved "Broen". I 1825 vart Ola Torkelson Næsheim ved dom tilplikta å betala 6 dalar til enkja etter Elling Pederson Reimevoll, Berta Olsdr. som han, etter skifte etter Elling Pederson i 1824, var skuldig til dødsbua. — Me veit ikkje om barn (har seinare vorte kjend med at Ola Torkelson og Malli Rasmusdr. budde på Pollestad i 1801 og hadde då sonen, Ole Johannes, 4 år gamal, sjå Næsheim 83.).

65. Torkel Torkelson, son til 43. og bror til 63. og 64., var fødd kring 1766, død 2-1 1822. Gift 1806 med Anna Rasmusdr. Holen (Bjorland 8. 2.), fødd kring 1768. Eg trur snaut at Torkel brukte gard på Næsheim, men han kan ha vore husmann der ei tid. Ellers veit eg ikkje meir om dei. Dei hadde nok ei dotter:

Guri Marta Torkelsdr., f. 17-3 1811, gift 12-3 1839 med Johannes Johannesson under Voll i Varhaug (sjå der 54B.).

66. Samuel Ellingsson Næsheim, son til 48., var fødd kring 1757, død 1-12 1823. Gift med Ane Berte Olsdotter Lode (Lode 33. 5.), fødd kring 1756, død 14-11 1828. Samuel kjøpte 1 pund i Næsheim av faren i 1777 for 30 dalar. Dei hadde 7 barn:

1. Samuel Samuelson Ledaal (Søyl. 16.).
2. Elling Samuelson Næsheim, fødd 1780 (77.).
3. Anna Samuelsdr., f. 1782.
4. Ola Samuelson Skjelbreid, f. 1787, gift 1824 med Anna Olsdr. Rimstad (Rimstad 28 2.).
5. Rasmus Samuelson Næsheim, f. 1792 (nr. 78).
6. Siri Samuelsdr., f. 1795, gift med Tønnes Tønnesson Søyland (17.).
7. Karen Berte Samuelsdr., f. 1799, gift med Kornelius Svenson Varhaug (sjå Sør Varhaug 83.).

67. Sven Hansson Risa (skulemeistar?) (Risa 46. 6.), var fødd kring 1757, død 1786, gift med Berta Olsdr. Næsheim (59. 4.), fødd kring 1763. Sven Hansson byksla 24 spand i Næsheim i 1785 av Svale Helgeson Våge og Gjert Andersson Kjerrevik (sjå 59.). — Då Sven var død gifta Berta seg med Lars Ellingson. — Sven Hansson og Berta Olsdr. hadde ei dotter:

Guri Marta Svensdr., f. 1784, gift med enkjemann Gunnar Olson (sjå Njærheim 91.).

68. Lars Ellingson (48. 2.), fødd kring 1759, død 8-11 1815, gift 1786 med enkja etter Sven Hansson, Berta Olsdr. Lars byksla dei 24 spand av Gjert Andersson Kjerrevik i Hardanger i 1787. — I 1829 kjøpte han same av Gjert Kjerrevik sine arvingar for 250 spd. Same året selde han dei 24 sp. til Samuel Samuelson Ledaal for 250 dalar, og byksla det att av han. Dei fekk 5 barn:

1. Sven Larsson Næsheim, f. 1787 (80.).
2. Karen, f. 1790, gift med Gabriel Torjusson (88.).
3. Ola, f. 1793, gift 1) 1819 med Herborg Olsdr. (Høyland 48. 2.), gift 2) 1838 med Grete Malena Eriksdr. Hognestad. Han budde på Tasta, død 1874.
4. Elling, f. 1791, d. 1805.
5. Marta Kirstina, f. 1797, gift med Villas Olson (91.).

69. Nils Nilsson (52. 3.), fødd kring 1767. Han kjøpte 12 spand av Ola Svenson Ytre Salte, som denne hadde kjøpt av Nils sin bror, Halvar (sjå 56B.). I 1795 selde han dette til Ola Simonson og flutte til Haugland i Time (sjå Bjorland 10.).

70. Ola Simonson (sjå Reime 30.), kjøpte dei 12 spand av Nils Nilsson i 1795 for 210 dalar. I 1798 selde han att til Erik Torstenson Hobberstad for 199 dalar.

71. Erik Olson var truleg son til Ola Olson Løge i Time og første kona, Gitlaug Eriksdr., f. Åsen. Han var fødd på Frøyland i 1753. Gift i Varhaug 16-8 1789 med enkja etter Lars Ellingson Uldenhaug (Ånestad 54.), Gitlaug Roaldsdatter, fødd i Oagna 1755. Erik Olson budde truleg først som husmann på Uldenhaug (Håla), og seinare på Åen under Håland i Varhaug. I 1795 var han på Holen i Time og i 1801 på Næsheim, der han må ha kome, då Ola Simonson flutte til Holen i 1798. Han byksla dei 12 spand av Erik Hobberstad i 1803. I 1810 flutte han til-

bake til Åen i Varhaug (sjå der 36.). — Me veit om 5 barn:

1. Gitlaug Eriksdr., f. på Åen 1790, gift med Tollak Tollakson Åen (sjå Håland, Varhaug 52.). Ho hadde ein son u. e.: Jonas Gitleson, fødd 30-6 1819 (Sør-Tjemsland 46.).
2. Ola Erikson, f. 1793, død før 1801.
3. Ingeborg Eriksdr. (f. i Time 1794, truleg ho som døde på Ånestad 11-5 1881?).
4. Lars Erikson, f. på Holen i Time 1795, gift 8-3 1824 med Joron Torgersdr. Vetteland. Budde på Vetteland i Oagna.
5. Magdalena Eriksdatter, f. på Næsheim 1799, gift 1) med Ola Nilsson Gjert-holen (Voll, Varh. 76.), gift 2) med enkjemann Ola Olson Hårr (Hårr 55.). Magdalena hadde ein son u. e.: Abraham Pederson, f. 23-10 1820 (Herigstad, Varhaug 54.).

72. Hans Rasmussen var truleg frå Nord-Varhaug (sjå der 22. 6.). Han var fødd kring 1759, d. på Nord-Varhaug 8-7 1802. Gift med Malena Olsdatter Ødemotland (sjå der 8. 6.), fødd 1761. (Kunne han vore søsterson til nr. 60?) Hans eller far hans byksla 12 spand i Næsheim av Ole Svenson Salte i 1789. Dette var truleg dei 12 spand som der er tale om under nr. 56. Hans Rasmusson heitte då Salte, så han må ha butt der før han kom til Næsheim. I 1801 var han daglønner på Ødemotland. I 1792 selde Ola Svenson Salte dei 12 spand i Næsheim til Lars Pederson Kvia, som byksla det til Gullik Olson i 1799. Hans Rasmusson og Malena Olsdr. hadde ei dotter:

Ingeborg Hansdr., f. 1785, gift med Hans Monsson (Sør-Varhaug 73B.).

73. Gullik Olson Orstad skulle vore son til Ola Omundson og Gitlaug Gulliksdtr. Orstad i Klepp. Han var fødd kring 1763, død 15-3 1831. Gift 7-4 1795 med enkja Birgitte Pedersdatter, fødd kring 1763, død 12-4 1846. Gullik byksla 12 spand i Næsheim av Lars Pederson Kvia i 1799, etter Hans Rasmusson. — Dei hadde 5 barn:

1. Johannes Gullikson, f. på Brendarholen i 1797 (sjå 85.).
2. Judithe Gulliksdatter, f. på Næsheim 1799, gift 1835 med enkjemann Sven Larsson Fotland på Bjødnehodl under Tunheim.
3. Marta Gulliksdtr., f. 21-11 1802, d. 1803.
4. Marta Gulliksdatter, f. 12-7 1804.
5. Ola Gullikson, f. 10-12 1805, d. 2-12 1818.

(Lars Kvia selde dei 12 spand til Jon Erikson Obrestad i 1819 for 5 dalar.)

74. Erik Kristenson (58. 1.), f. 1787, gift 15-12 1814 med Malena Karlsdtr. Kleppeholen, visstnok dotter til Karl Gullikson som var husmann på Øksnevad i 1801, og kona Karen Halvarsdtr.? Erik Kristenson selde 12 spand odelsgoods til Hans Andersson Bore i 1815 for 416 rdl. eller 64 spd., og byksla att av han same dagen. Denne bykselen vart oppløyst i 1847. — Hans Bore, som visst var den same som Hans Andersson Våge (sjå under 59.) selde dei 12 spand i Næsheim til versonen sin, Asbjørn Sivertson Skeie, i 1818. Dette var helvta av Kristen Erikson sitt bruk. Erik Kristenson hadde visst ikkje barn.

75. Hans Svenson Haugland var son til Sven Svenson Øvre Haugland i Time og kona Eli Eimonsdtr. Holen. Han var f. i 1773, d. i Stavanger 1846, gift 2. sundag i adv. 1803 med Berta Jonsdtr. Næsheim (63. 1.), f. 1780, d. 2-8 1832, gift 2) 20-3 1834 med Anna Svensdtr., f. 1797, dotter til Sven Torkelson Undheim og kona Berta Knutsdtr. Hans Svenson byksla 12 spand av Erik Kobberstad i 1810 mot oppsett til enkja Inger Halvarsdtr. Det var dei 12 spand som Erik Olson (71.) hadde brukt. I 1806 gav Hans følge til verfare, Jon Torkelson, og kona Guri Olsdtr. Hans må ha brukt heile bruket, 24 spand, for i 1810 var der halde takst over 24 spand i Næsheim, som Ola Torkelson skulle løyse inn av Hans Svenson. Taksten var 1000 rdl. Hans Svenson var rokkedreiar. Han hadde 7 barn i første gifte og 2 i andre:

1. Elen Maria, f. 6-4 1804. Ho var truleg ikkje gift, — men fekk ein son u. e.: Tobias Toreson, f. 28-9 1828 (faren var Tore Sondreson?). — (Sjå Kydland i Varhaug 31.)
2. Guri, f. 25-3 1807, gift 21-12 1838 med Elias Eivindson (sjå Søyland 37.).
3. Anna, f. 9-6 1810, gift i Stavanger 1841 med Sven Svenson frå Dysjaland i Håland.
4. Sven, f. 12-9 1814, d. 25-12 1893 (Skrue-Sven). — Han var smed og budde på Annerbakken, ugift.
5. Jon Løgesteinen, f. 8-5 1818 (Bø 85.).
6. Berta, f. 21-11 1821, gift med Sven Svenson (Lode 55.).
7. Helena, f. 23-8 1828, gift i Hetland 29-8 1862 med matros Marselius Endreson Norheim (Næsheim?).
8. Berta, f. 17-5 1835.
9. Søren, f. 1-11 1838.

76. Eivind Ellingson (62. 1.), fødd kring 1776, død 9-10 1839, gift 1800 med Anna Maria Ellingsdtr., fødd i Time 1774, død 30-12 1839, dotter til Elling Simonson Nedre Haugland og første kona Anna Olsdtr. frå Njå. Eivind kjøpte 1 pund av faren i 1797 for 80 rdl. — Dei fekk 5 barn:

1. Elling, f. 24-1 1802, død same året.
2. Elling Næsheim, f. 25-3 1803 (87.).
3. Elias, f. 4-9 1808, d. 30-10 1811.
4. Elias Søyland, f. 1812 (sjå Søyl. 37.).
5. Eivind Lura, f. 15-9 1817, gift 22-10 1849 med Jorina Olsdotter (Håvardsdtr.?) Lura i Høyland (sjå F. p. S. 410).

77. Elling Samuelson (66. 2.), fødd kring 1780, død 2-11 1852, gift 2-11 1806 med Elen Rasmusdtr. (Høyland 42. 7.), fødd kring 1785. Elling byksla 12 spand av broren Samuel Ledaal i 1824. Dei fekk 8 barn:

1. Elling, f. 14-9 1806, gift i Stavanger 10-12 1833 med enkja Maren Jonsdtr. Høye.
2. Rasmus, f. 20-6 1809, gift i Stavanger 1841 med Rakel Helena Rasmusdotter Håland i Time, f. 13-3 1814. Han var skipsbyggjar i Stavanger.
3. Anne Berte, f. 14-6 1812, gift i Stavanger 1839 med skipper Peder Ivarson Nerhus frå Strand.
4. Elen, f. 16-5 1816, gift i Stavanger 1838 med Ola Olson (Lode 40. 2.).
5. Samuel, f. 2-7 1819, gift i Stavanger 16-6 1848 med Ingeborg Jakobsdotter. Han var sjømann og kom bort på sjøen.
6. Helena, f. 21-12 1822, d. 13-8 1844, ugift.
7. Elias Næsheim, f. 30-1 1825 (101.).
8. Rasmus Sele, f. 14-9 1828, gift med Ingeborg Kirstina Samuelsdotter Sele (sjå 44. 2.).

78. Rasmus Samuelson (66. 5.), var bror til Elling. Han var fødd 1792, død på Njærheim (Brunå?) 28-10 1858, gift 1) 12-5 1820 med Malena Rasmusdtr. (Høyland 42. 6.), f. 1789, d. 9-11 1846, gift 2) 29-6 1849 med enkja etter Abraham Hansson Høyland, Guri Toresdtr. (sjå Høyland 89.). Guri døde 4-7 1872 hjå sonen Abraham Abrahamson Njærheim (Brunå). — Rasmus kjøpte 12 spand av faren i 1824 for 1875 spd. + følge. I 1849 var dei 12 spand i Næsheim skrivne over på sonen Samuel, og Rasmus flutte til Høyland (sjå der 92B.). Han hadde 4 barn i første gifte:

1. Anne Berte, f. 8-1 1821, gift 4-4 1850 med Nils Mauritsson (Njærh. 99. 1.).

2. Samuel Næsheim, f. 7-3 1823 (79).
3. Elen, f. 8-7 1825, gift i Stavanger 6-7 1884 med enkjemann, bygningsmann, Paul Omundson Stuvik frå Jelsa.
4. Rakel Maria, f. 8-1 1828, gift i Stavanger 25-11 med Endre Olson frå Høle.

79. **Samuel Rasmusson** (78. 2.), fødd 7-3 1823, gift 7-11 1848 med Inger Elen Vikandsdr. Steinsland, f. 13-2 1829, dotter til Vikan Jonson Steinsland i Time og kona Taletta Helgesdr. — Samuel fekk skjøte på 12 spand i Næsheim av faren i 1849 for 240 spd. Selde til Køhler i 1855 for 880 spd. og flutte til Kleppeholen. — 3 barn var fødde på Næsheim:

1. Rasmus, f. 5-9 1849, gift 1) 3-2 1875 med enkja Berta Olina Svensdr. Våland, — gift 2) 20-9 1893 med enkja Ingeborg Larsen, f. i Hetland 13-3 1863, gift 3) 11-5 1898 med enkja Severine Svenson, f. i Skjold 1860. — Han var bøkkar og budde på Våland ved Stavanger.
2. Vilhelm, f. 3-11 1851, gift i Stavanger 17-12 1875 m. Inger Monsdr. Refvem, f. 16-3 1853. Han var skipstømmerm.
3. Samuel, f. 21-12 1854, gift i Hetland 13-6 1886 med Maria Jonasdr. Gramstad, f. 1862. Han var styrmann.
4. Martin, f. på Kleppe 22-3 1857.
5. Tønnes, f. på Kleppe 11-11 1859.

80. **Sven Larsson** (68. 1.), f. 1767, d. 3-4 1870, gift 12-11 1812 med Ingeborg Gurine Theofilusdotter (enkje etter Hans Rasmusson (Høyland 42. 3.)), f. 1778, d. 11-12 1863. Sven Larsson budde visst som husmann på plassen Røyso. Dei fekk 2 barn:

1. Anne Margreta, f. 22-1 1813.
2. Maria, f. 22-1 1815, gift med Erik Pederson (97.).

81. **Nils Kristenson** (58. 2.) var fødd i 1791, død 11-8 1851, gift 30-7 1816 med Anna Johanna Omundsdr. (Skjærpe 18. 3.), f. 1787, d. 10-7 1879. Nils hadde teke over 12 spand eter faren i 1815, som han selde til Jon Larsson Obrestad same året og byksla att same dagen av Jon. Prisen han fekk var 533 rdl. Dei fekk 5 barn:

1. Anna Maria, f. 3-4 1817, gift i Stavanger 18-11 1842 med bøkkar Ola Erikson frå Jelsa.
2. Kristine, f. 12-4 1821, gift 12-11 1850 med Ola Tjølson (sjå Njølstad 12.).
3. Torborg Maria, f. 1825.
4. Omund Næsheim, f. 21-6 1826 (82.).
5. Anna Johanna, f. 3-8 1830, gift i Sta-

vanger 15-10 1867 med enkjem. bøkkar Lars Larsson Eie frå Vats.

82. **Omund Nilsson** (81. 4.), f. 21-6 1826, gift 1) i Sola 11-10 1859 med Ingeborg Maria Jakobsdr. Joa, 39 år, gift 2) med Jørgine Johannesdr. Viste, f. 1846. — Omund kjøpte att dei 12 spand av Hans Pederson Obrestad i 1852 for 300 spd. + folge til mora Anna Johanna Omundsdr. Same året makebytte han dei 12 spand for 505 spd. mot retten til eit plass under Austrått, Kvelluren, som Ivar Jakobson Sporaland hadde skrive frå seg til Aslak Erikson, og eit torvmyr-stykke i Bægemyra under Myklebust. Dette makebytte må ha vorte gjort om inkje att, for i 1854 selde Omund Nilsson dei 12 spand i Næsheim til den nemnde Aslak Erikson for 400 spd. + folge til mora. Året etter, i 1855 selde Aslak til Køhler for 695 spd. + folge til Anna Johanna Omundsdr. (Om Aslak Erikson sjå Risa 72.) Omund døde på Goa som husmann 1-12 1893. Barn er ikkje nemnde.

83. **Ole Johannes Olson** (64.) var fødd 5-6 1797, gift 30-5 1816 med Marta Kirstina Svendsdotter Kvål, f. i Stavanger. Ole Johannes kjøpte 1 pund i Næsheim av faren i 1823 for 100 spd. + folge. I 1831 selde han same til Jon Olson Torland. I 1834 var han på Torland, og i 1838 reiste han til Stangeland i Klepp. Me veit om 7 barn:

1. Sven, f. (1818?) reiste til Stokkeland i Høyland 1838.
2. Anna, fødd 23-6 1821, gift 1855 med Jakob Jakobson Lura.
3. Ola, fødd 29-11 1824 (gift 1875 med Maren Absalonsdr. Falnes?). Han var lærar i Skudesnes.
4. Taletta, f. 25-5 1827, gift i Stavanger 15-12 1861 med sjømann Mikal Jonson (sjå Djøseland, Varhaug 31. 3.).
5. Karoline, f. 20-11 1829, gift i Klepp 1-7 1869 med Søren Olson frå Helland i Bjerkreim. Budde på Kleppe i Klepp.
6. Torkel, f. på Torland 9-4 1832.
7. Marta Kirstina, f. på Torland 7-7 1834.

84. **Jon Olson Torland** (Torland 36. 6.), f. 1787, d. 1-10 1848, gift 19-3 1820 med Elisabet Olsdr. (Torland 43. 4.), f. 14-3 1800, d. på Anestad 20-2 1883. Jon Olson kjøpte 1 pund i Næsheim av Ole Johannes Olson i 1831 for 300 spd. Dei fekk 9 barn:

1. Ingeborg, f. 12-12 1821, gift med Elias Ellingson (101.).
2. Ola Næsheim, f. 1825.

3. Ole Johannes, f. 25-1 1828, gift i Stavanger 22-10 1857 med Anna Kirstina Andreasdr. (Høyland 87. 1.), f. 10-12 1826. Han var bygningsm. i Stavanger.
 4. Marta, f. på Næsheim 23-2 1833, gift 4-10 1863 med enkjemann Tore Kristianson (Søyland 34.).
 5. Jon Jonson, f. 15-10 1834, gift 2-11 1865 med Hanna Karlotte Risa (Risa 67. 5.). Budde i Stavanger.
 6. Anna Elisabet Jonsdr., f. 24-1 1838, gift 24-11 1859 med enkjem. Torsten Tobias T. T. Obrestad (Obrestad 34.).
 7. Berta Jonsdr., f. 15-9 1841, gift 23-11 1876 med Jakob Sivertson Vigre (Vigre 52.).
 8. Ingeborg Berte Jonsdr., f. 5-11 1844, gift m. Tobias Abrahamson Nord-Varhaug (sjå der 34.).
 9. Jonas Jønson, f. 1832, gift i Stavanger 18-11 1860 med Rebekka Tollefsdotter frå Vanse. (Jonas er ikkje i kyrkjeboka, og det er muleg han ikkje høyrer til her?)
85. Johannes Gullikson Salte, son til 73., var fødd på Brendarholen under Salte i Klepp i 1797. Gift 31-3 1830 med Karen Svensdotter, fødd i Klepp 1795, dotter til Sven Johannesson Næse og Ranveig Helgesdr. Johannes Gullikson byksla 12 sp. i Næsheim av Jon Erikson Reime i 1830 etter faren. I 1853 flutte han til Sør Braut, og Peder Eliasson Djøseland selde dei 12 spand til Køhler i 1855 for 340 dalar. 4 barn var fødde på Næsheim:
1. Gabriel Johannesson, f. 1-4 1831, gift i Sola 3-11 1859 med Marta Larsdr. Byberg.
 2. Berta Maria Johannesdr., f. 27-4 1834.
 3. Sven Johannesson, f. 5-8 1837, gift 13-9 1865 med Jorina Eivindsdotter Revem. Budde på Rege i Håland.
 4. Rasmus Johannesson, fødd 21-9 1841, budde på Hellestø.
86. Elling Kristenson (58. 4.), fødd på Holen i Time 3-8 1800, gift i Varhaug 21-6 1832 med Berta Pedersdotter Tjemsland, fødd 12-5 1803 (S. Tjemsland 24. 5.). Han byksla Bratholen av Asbjørn Skeie i 1833. Kom seinare til Kvasheims-heia, Oгна, og døde på (Kvasheim?) 1870. — Berta døde på Kvasheim i 1855, og så gifta han seg 2) 1859 med Rakel Karina Salvesdr. Skorane i Oгна, f. 5-1 1822, d. 1896. — Han hadde 3 barn i første gifte og 1 i andre:
1. Berta Serina, f. på Tjemsland 12-8 1832, gift 1860 med Ingebret Ingebretson (N.-Halleland i Varhaug 34.).
2. Maren, f. på Næsheim 30-12 1838, d. i Stavanger 1872, gift 3-7 1872 med skomakar Johannes Abrahamson Vatnemot.
 3. Peder Kristian, f. i Oгна 5-7 1844.
 4. Rakel Serina, f. 1862.
87. Elling Eivindson (76. 2.), f. 25-3 1803, d. på Nærland, gift 24-3 1833 med Guri Taraldsdr. (Skjærpe 19. 6.), f. 7-1 1813. Elling kjøpte 1 pund av faren i 1832 for 200 spd., og selde til Køhler i 1855 for 2800 spd. — "Eiendommen tiltrædes anstundende 14 April." — Elling hadde alt året før kjøpt 10y2 spand i Nærland (sjå der 40.). Dei fekk 6 barn:
1. Eivind Nærland, f. 31-8 1834 (Nærland 41.).
 2. Anna Maria, f. 30-3 1836, d. 1-10 1904, ugift.
 3. Elias Nærland, f. 20-11 1844 (Nærland 44.).
 4. Ingeborg, f. 20-5 1848, gift 1-6 1876 med Elias Eivindson Lura (sjå Søyland).
 5. Taletta, f. 25-1 1851, gift med Tobias Erikson (Nærland 47.).
 6. Elling, f. på Nærland 7-5 1858, d. 19-11 1899, ugift.
Tri guttebarn som alle heitte Tarald døde som spebarn.
88. Gabriel Torjusson var frå Lyngdal, son til Torjus Johannesson Røyne støl i Aa sokn og kona Anna Maria Gunnarsdr., f. Vegge. Han var f. 11-5 1802, d. på Gausland (Berget) 14-11 1882, gift 1) 13-3 1832 med Karen Larsdr. Næsheim (68. 2.), f. 30-10 1790, d. 20-6 1849, gift 2) 14-11 1850 med Kristine Sivertsdr. (sjå Store Håland under 19. 2.), f. 8-4 1814. Gabriel Torjusson byksla 1 pund saman med Villas Olson i 1833 av Samuel Ledaal, som Lars Ellingson hadde brukt. Denne parten var kalla "Hardanger-gods". — I 1850 kom han til Røderulla under Kvia og seinare til Berget av Gausland. Ein son av første gifte var f. på Næsheim: Tobias Gabrielson, f. 20-9 1833 (sjå Kvia 46.).
(Om dei andre barna sjå Kvia 45.)
89. Hans Rasmusson Bø (Bø 71. 7.), f. 18-8 1817, d. på Nærbo stasjon 17-3 1901, gift i Klepp 18-5 1847 med Rakel Olsdr. Pollestad, f. på Tunheim 1-10 1822, d. på Skjærpe 21-8 1912, dotter til Ola Jonson Tunheim i Time frå Haugland og kona Malena Rasmusdotter, f. Tunheim. Hans byksla 12 spand i Næsheim av Samuel Ledaal eter Gabriel Torjusson i 1848 mot

følge til Berta Olsdtr. Næsheim (sjå 68.). I 1851 flutte Hans frå Næsheim og dreiv sidan som handelsmann i Stavanger og på Nærbø. Dei hadde ikkje barn.

90. **Morten Olson Djøseland** (sjå Djøseland, Varhaug 33. 3.) var f. på Heigrestad i Eigersund kring 1825, gift 11-11 1851 med Taletta Isaksdtr. Auestad, f. i Varhaug 30-4 1829. Han byksla dei 12 spand av Samuel Ledaal etter Hans Bø i 1851. I 1855 selde Samuel Ledaal til Køhler, og Morten flutte til Skrettingland i Varhaug (sjå der 23.).

91. **Villas Olson Tjåland** var son til Ola Vellumson Tjåland i Time og kona Maren Ellingsdtr. Han var f. 9-3 1806, gift 7-3 1833 med Marta Kirstina Larsdtr. Næsheim (68. 5.), f. 7-8 1796. Villas byksla 12 spand i Næsheim i 1833 av Samuel Samuelson Aavengaard (Ledaal?) og 24 spand av Gjert Andersson Kjerrevigen, saman med Gabriel Torjusson, etter Lars Ellingson. Han flutte frå Næsheim alt i 1836. Marta Kirstina døde alt 11-11 1833, og Villas gift 2) i Time 14-5 1934 m. Guri Torkelsdtr. Undheim (sjå Lindal 16. 4.). Dei budde visst seinare på Revheim. Ei dotter av 2dre gifte var f. på Næsheim: Marta Maria, f. 22-3 1835,

92. **Kristian Gjermundson Herikstad** var son til Gjermund Kristenson Herikstad i Time og kona Barbro Jonsdtr., f. Taksdal. Han var f. 1798, gift 1) i Time 29-3 1827 med Ingeborg Omundsdtr. Skjelbrei, fødd kring 1803, d. 16-7 1829, gift 2) i Nærbø 20-5 1830 med Marta Taraldsdtr. (Skjærpe 19. 3.), f. 20-12 1804. Kristian byksla 12 spand i Næsheim av Samuel Samuelson (Ledaal) i 1836 etter Villas Olson, med følge til enkja Berta Olsdtr. Han var truleg smed og var vanleg kalla "Klinikaren". Kring 1842 flutte han til Søyland (sjå der 35.). I 1846 var han på Storebakken (Reime 41.). Han hadde 6 barn i andre gifte:

1. Berta Maria, f. på Herikstad 15-1 1831, gift 1873 med Hans Hansson Hovland i Stavanger.
2. Ingeborg, f. på Herikstad 23-11 1833.
3. Gjermund, f. på Herikstad 27-1 1835, gift i Stavanger 29-1 1864 med Berta Gurina Larsdtr. frå Tysvær.
4. Marta Serina Kristiansdtr., f. på Næsheim 25-4 1837, gift i Stavanger 21-8 1866 med bygningsmann Ola Kristian Haldorson frå Skjold.
5. Kristian, f. 26-12 1839, d. 19-6 1840.
6. Tarald Kristianson, f. 26-12 1839.

93. **Eivind Olson** Re byksla dei 12 spand av Samuel Ledaal i 1842, framleis med følge til Berta Olsdotter, etter Kristian Gjermundson. Han var son til Ola Olson Re i Time og kona Karen Gunnarsdtr., f. Re. Fødd i Time 24-3 1807, gift 16-10 1831 med Johanna Torgersdtr. Frøyland, fødd i Time 1-1 1802. I 1855 selde Samuel Ledaal dei 12 spand til Køhler. Eivind døde på Næsheim 25-7 1851, og Johanna var hjå sonen på Høyland i 1865, der ho døde 4-5 1870. Dei hadde 5 barn som var fødte på Frøyland:

1. Tønnes Eivindson Høyland, f. 9-7 1832 (Høyland 119.).
2. Ola Eivindson Høyland, f. 29-11 1833, budde truleg ei tid på Høyland, men var visst seinare slaktar i Stavanger. Gift 1) 23-10 1860 med Olina Ole-Johannesdotter Hognestad, og truleg gift 2) med dotter til Halvard Bjørnson Netland i Bjerkreim, søster til kona til nr. 98.
3. Berta Karina Eivindsdtr., f. 8-6 1835, gift i Sandnes 1861 med Torger Ingebretson Håland.
4. Ingeborg Eivindsdtr., f. 23-12 1836.
5. Berta Serina Eivindsdotter, fødd 29-2 1840.

94. **Torger Omundson Skjæveland** var son til Omund Knutson Tjensvoll i Time og kona Ingeborg Nilsdtr. Våland (Våland 13. 5.). Fødd 1798, gift 17-5 1830 med Karen Margreta Pedersdotter Øksnevad. Han hadde butt på Skjæveland i Høyland. I 1846 byksla han 12 spand i Næsheim av Asbjørn Skeie etter Erik Kristenson. I 1855 vart denne parten seld til Køhler, og Torger flutte til Re. (Om barna sjå Skjæveland, Høyland 69.)

95. **Oliver Hansson Hognestad** var son til Hans Toreson Hognestad (sjå Våland 14. 1.) og kona Ane Berte Gregoriusdotter. Han var f. 6-3 1811, d. 15-9 1874, gift 7-11 1833 med Olina Svensdtr. (Opstad 41. 11.), f. 19-8 1808, d. 24-11 1892. — Oliver budde som husmann på Dampen under Næsheim. Dei hadde 7 barn:

1. Malena, f. 30-9 1834, d. 15-1 1879.
2. Hanna Bertine, f. 13-5 1837, gift 12-4 1866 med Lars Torkelson Fosse (sjå Skjærpe 35.).
3. Hans, f. 13-6 1840. Reist til Amerika.
4. Rakel Serina, f. 20-8 1843, gift i Stavanger 1876 med enkjemann Peder Jonasson Vigrestad, (Vigrestad 37. 2.).
5. Olina, f. 23-5 1846, d. 5-1 1874, ugift.
6. Oliver, f. 25-5 1850, d. 17-1 1852.
7. Elen Olina, f. 7-6 1854.

96. Sven Olson Kydland (sjå Kydland i Varhaug 23. 2.), f. 16-3 1800, d. 10-2 1894, gift 6-8 1840 med Elen Pedersdr. Håland (Håland, Varhaug 40. 3.), f. 28-2 1813, d. 9-11 1882. Sven budde som husmann på (Skansen?) under Næsheim. I 1875 er dei husmannsfolk på Høyland. — Dei hadde 6 barn:

1. Ola, f. på Kydland 6-2 1841, gift 17-7 1863 med Ingeborg Kirstine Harestad. Budde på Harestad i Randeberg.
2. Peder, f. på Næsheim 12-2 1843 (sjå Høyland 127.).
3. Anna Kirstina, f. 26-11 1845.
4. Johanna Serina, f. 13-2 1849, gift 13-11 1873 med Karl Olson Stangeland på Vagle i Høyland. Skomakar på Sandnes.
5. Sivert, f. på Høyland 11-5 1851.
6. Maria, f. 13-1 1857.

97. Erik Pederson Håland (sjå Håland, Varh. 40. 2.), f. 25-4 1811, d. på Skjærpe 15-12 1899, gift 22-11 1838 med Maria Svensdr. Næsheim (80: 2.), f. 22-1 1815. Erik Pederson var husmann på Røyso under Næsheim. Han var ei tid gravar og dørvakt ved Nærbøkyrkja. Dei hadde 6 barn:

1. Ingeborg Margreta, f. (1841?), gift 4-6 1863 med Andreas Erikson Fosse (sjå Søyland 30.).
2. Anna Kirstina, f. 29-1 1839, gift 23-4 1868 med Hans Abrahamson Høyland (sjå Skjærpe 40.).
3. Sven, f. 23-5 1845, d. 9-6 1846.
4. Berta Maria, f. 2-7 1847.
5. Sven Lode, f. 15-3 1850 (Lode 64.).
6. Peder, f. 31-1 1859.

98. Asbjørn Rasmusson Bø (Bø 71. 2.), var bror til 89. Han var f. 3-5 1808. — Byksla 12 sp. av Hans Asbjørnson Skeie i 1848 etter Torger Omundson (94.). Då Køhler kjøpte Næsheim, flutte han til Skrettingland i Varhaug (sjå der 22.), og i 1861 kjøpte han eit bruk på Skjærpe (sjå der 32.).

98B. Ola Jonson (84. 2.), f. 1825. Tok over 1 pund i Næsheim av mora i 1849 for 400 spd. + følge. I 1855 selde han til Køhler for 1600 dalar og flutte til Bø (sjå der 89.).

99. Ola Eivindson Høyland (Høyland 69. 2.), f. på Anda i Klepp 4-7 1802, gift 26-5 1842 med Ingeborg Rasmusdr. (Vigre 36. 2.), f. 19-10 1794. Han byksla 12 spand i Næsheim av Rasmus Erikson Hobberstad i 1842, truleg etter Hans Svenson

(75.). Truleg hadde Elias Eivindson (76. 4.) brukt denne parten frå 1838 til 1842, då han flutte til Søyland. Ola Eivindson og Ingeborg Rasmusdr. sin seinare lagnad kjenner eg ikkje.

100. Eivind Eivindson Høyland (Høyland 69. 10.) var Ola sin bror. Han byksla dei 12 spand av Rasmus Erikson Hobberstad etter broren i 1851 mot oppsett til broren, og fekk til vederlag buskap og reidskap av Ola. I 1855 flutte han til Høyland (sjå der 109.).

101. Elias Ellingson (77. 7.), f. 30-1 1825, gift 11-4 1849 med Ingeborg Jonsdotter Næsheim (84. 1.), f. 12-12 1821. Elias byksla 12 sp. av farbroren Samuel Ledaal i 1849 etter faren. Samuel selde til Køhler i 1855, og Elias flutte til Anestad i Varhaug (sjå der 85.).

Som me har sett var det berre Elling Eivindson, Ola Jonson og Samuel Rasmusson som åtte bruka sine i 1855 med i alt 2½ pund. Dei andre 3½ pund, skift på 7 brukarar, var bykslebruk, og hadde gått frå mann til mann i årevis. Det er difor ikkje rart at eigarane, med Samuel Ledaal i brådden let seg lokke av dalane til Køhler og selde til han i 1855. Tru om det ikkje var Samuel som gjorde første opptaket til at handelen kom i stand.

102. Johan Mandius Køhler, f. i Stavanger 24-5 1821, var son til kjøpmann Johan Adam Køhler frå Tyskland og kona Anna Maria, som først hadde vore gift med mølleeigar i Hillevåg, Fredrik Pedersen. I eller kring 1855 kjøpte Johan M. Køhler heile Næsheim av dei dåverande eigarane som var Samuel Samuelson Ledaal, Samuel Rasmusson Næsheim, Ola Jonson Næsheim, Rasmus Erikson Hobberstad, Aslak Erikson (Risa) og Peder Eliasson Djøseland. — Køhler bygde nye hus, både bustadhus, fjøs og løa, mest av gråstein i dansk stil, som for det meste står framleis. Han gjekk og i gang med meieridrift frå 1856, og seinare med møllebruk. Det var nok også han som gjekk i gang med å byggje den såkalla "Bernervegen" til Nærbø stasjon, som det var tanken skulle bli jernbane. I 1870 var firmaet Køhler konkurs. Den 30-4 det året vart garden sett til auksjons og seld til barna, som med sakfører Alb. Backe til formynder fekk tilslaget for 12050 specidalar. Faren var framleis forvaltar for barna i 1875. — J. M. Køhler var gift med Christiane

Monsine Sommerfeldt, f. i København i 1820. Barna, som alle var fødte i Hetland (Hillevåg) var:

1. Bolette, f. 1845, gift med kjøpmann Olsen i Bergen.
2. Johan Adam Køhler, f. 1846.
3. Anne Marie Køhler, f. 16-7 1848, gift m. Asbjørn Ellingson (sjå Njærheim.).
4. Vilhelmine Køhler.
5. Fredrik Køhler, f. 1853.
6. Emma Køhler, f. 1850.

I 1877, den 25-7 vart eigedomen til J. M. Køhler sine barn, Næsheim, seld til J. Sandsmar, Heskestad, Halvar Scheie og stortingsmann Olaus Eskeland for 80000 kroner, som straks etter selde til brødrene Berner. Torland-nesjane som hørte til Næsheim var ikkje med i denne handel, men vart seinare seld til lensmann I. I. Gausland og Ola Olson Torland.

103. **Brødrene Berner** med Nils Brostrup Dorthin Berner som representant, var barn til kjøpmann og musikus i Stavanger Joakim Berner og kona Jakobine, f. Kastrup, dotter til presten Søren Micael Kastrup i Haa. Brostrup Berner var f. i Stavanger 1824, gift 1854 med brorsdotter si, Jacobine Berner, f. 1835, dotter til Søren Mikael Berner og kona Maria Dagfinnsdotter, f. Hægland. — Brødrene Berner fekk skjøte på garden 25-10 1877. I 1902 kjøpte brørne Gabriel og Tønnes Nærland garden av Brostrup Berner som då var eineeigar. Garden var då mykje til nedfalls og gav lite eller ikkje avkastning. Brostrup og Jacobine Berner sine barn, fødd i Stavanger var:

1. Jacobine, f. 16-7 1856.
2. Maria, f. 22-3 1858.
3. Søren Michael, f. 28-7 1859.
4. Jacobine, f. 16-10 1861.
5. Ambrosius, f. 30-6 1865.
6. Ragna, f. 22-3 1868.
7. Jens Johan Benedict, f. 31-8 1870.
8. Jacob Sardin, f. 1-10 1871.
9. Malena, f. 26-9 1873.
10. Thora, f. 13-7 1875.
11. Helga, f. 4-9 1876.

Då garden var seld til Køhler og seinare brørne Berner budde der att nokre husmenn og lausarbeidarar som gjekk i arbeid på storgarden. Dei fylgjande er nokre av dei.

104. **Sven Tjølson Næsheim** var gift med Gurina Pedersdr. Dei hadde ei dotter til dåpen på Næsheim:
Ingeborg, f. 15-12 1855.

105. **Mads Pederson Næsheim** var gift med Kristine Gabrielsdr. Eit barn døypt på Næsheim:

Nils Kristian, f. 13-8 1857.

106. Rasmus Toreson Gudmestad (sjå Gudmestad 29. 3.), f. 30-4 1832, gift 18-3 1858 med Grete Pedersdr. (Risa 66. 5.). Han var seinare handelsmann i Stavanger. — 3 barn fødte på Næsheim:

1. Tobias, f. 30-5 1858.
2. Peder, f. 3-1 1860.
3. Anna Maria, f. 27-5 1861.

107. **Knut Olson Høyland** (Høyland 71. 6.), f. 13-6 1835, d. 3-4 1869, gift 1-9 1865 med Karen Gurina Sørensdtr. frå Hæstad i Helleland. Dei hadde 2 barn:

1. Alette Serine, f. 18-7 1865.
2. Ola, f. 15-1 1868. Styrmann, gift og budde i Stavanger.

Karen Gurina budde seinare på Høyland (Knuda-Kari) og fekk 3 barn u. e.:

1. Karen Gurine Ingebretsdotter, f. 29-9 1872.
2. Jakobine Jakobsdr., f. 14-2 1876.
3. Vilhelmine Vilhelmsdr., f. 14-2 1882.

108. **Peder Asbjørnson** var frå Sør-Varhaug (sjå der 62 5.). Han var fødd 22-12 1795, gift 1) 6-11 1828 med Anna Kristoffersdr. (Rimestad 36. 5.), f. i Stavanger 23-3 1806, d. 16-5 1847, gift 2) 11-5 1849 med Guri Ingebretsdtr. (Høyland 62. 1.), f. 1-2 1804. Peder Asbjørnson var husmann på Bratholen frå kring 1837. Han hadde 8 barn i første gifte:

1. Kristian, f. 4-1 1829, gift 1) i Stavanger 15-5 1861 med Olina Jensdr. Høneland (sjå Ødemotland 12. 5.), gift 2) 24-10 1894 med Ingeborg Theodora Torgersdr. frå Stavanger. Han var bygningsmann i Stavanger.
2. Berta Karina, f. på Søyland 14-1 1832, død same året.
3. Berta, f. på Njærheim 31-5 1833, gift 21-1 1872 med matros Tobias Torkelson, f. i Høyland 10-2 1833. Bøkkar i Stavanger.
4. Abraham, f. på Næsheim 18-2 1837, gift i Stavanger 2-10 1868 med Karen Ølsdr. (Ånestad, Varhaug 69. 7.), f. 4-5 1843. Budde i Stavanger.
5. Berta Karina, f. 13-2 1841.
6. Johannes, f. 10-5 1842, gift 7-5 1866 med Elen Serina Svendsdotter Tjora i Håland, 22 år.
7. Anna Kirstina, f. 25-6 1845.

109. **Ola Larsson Helvig**, son til Lars Olson Helvig i Eigersund og kona Guri Tol-

leivsdtr. Heigrestad. Han var fødd 4-9 1808, død 4-1 1870. Gift 1-4 1841 med Karen Malena Omundsdotter (Høyland 88. 1.), fødd 25-6 1819, død 25-4 1892. Ola Larsson var husmann på Brathodl etter Peder Asbjørnson. 7 barn:

1. Lars Olson Næsheim, f. på Høyland 20-3 1842, gift i Hetland 17-7 1863 med Astrid Nilsdtr. Håland i Randaberg. Budde i Stavanger og var kjørar. Ein son, Nils Næsheim, bur i Stavanger.
2. Rakel Olsdtr., f. på Næsheim 23-11 1844, gift med Lars Albretson Øglænd (Gudmestad 50.).
3. Omund Olson Næsheim, f. 17-5 1850, gift med Agnes. Budde i Kristiansand. Ein son var lærar.
4. Grete Olsdtr., f. 2-8 1847.
5. Gabriel Olson, f. 1-3 1853.
6. Rasmus Olson Næsheim, f. 28-10 1856 (sjå 112.).
7. Karen Malena Olsdtr., f. 28-5 1859.

110. Aanen Fredrikson Leikvoll, var fødd på Leikvoll i Randaberg 1848, død på Næsheim 29-1 1905. Gift 16-11 1874 med Ingeborg Larsdtr. Hognestad, fødd 1844, død 13-11 1911, dotter til Lars Olson under Hognestad (skal truleg vera Lars Larsson frå Store Undheim?) og kona Berta Helena Omundsdtr., f. Ødegard i Time, som først hadde butt på Re og seinare budde på Roshagen under Hognestad. Aanen Fredrikson var husmann på Brathodl etter Ola Larsson. Var dessutan myllemestar ved Næsheim mylla. — Dei hadde 6 barn:

1. Fredrik Bertinius Bjorland, fødd 1875 (Bjorland 29.).
2. Hanna Bertine, f. 17-1 1880, gift med Vilhelm Munkebo frå Danmark. Budde på Bjorland.
3. Anton Ingebret, f. 6-12 1883, d. 10-4 1910, ugift.
4. Laura Aanensdtr., f. 9-5 1881, d. 5-5 1895.
5. Sven Aanenson, f. 7-5 1885, død s. å.
6. Ingeborg Aanensdtr., f. 10-10 1886, gift 5-10 1912 med målar Otto Monsen, f. i Time 1887.

111. Ole-Gabriel Olson Øksnevad, son til Ola Olson Grøtheim på Øksnevad (sjå Grøtheim 12. 5.) og kona Sissel Rasmusdotter Øksnevad. Han var fødd 14-10 1846, død på Lode 17-5 1898. Gift 5-4 1883 med Sille Eilevsdtr. Hårr, fødd 29-8 1849 (Hårr, Varh. 58. 3.). Ole-Gabriel hadde butt på Kruso av Bjorhaug før han kom som husmann til Dampen på Næsheim. Dei hadde 5 barn:

1. Ole Hårr, f. 22-6 1883 (sjå Hårr 86.).
2. Eilef Hårr, f. 5-9 1885. Busett i Montana.
3. Sem Hårr, f. 19-3 1888. Busett i Montana.
4. Severin Bertinius, f. 6-1 1891, død s. å.
5. Severin Bertinius, f. 30-6 1893, d. 5-1 1898.

112. Rasmus Olson Næsheim, son til 109., var fødd 28-10 1856, gift 14-11 1884 med Sikke Serine Sivertsdotter, f. på Sandnes 3-11 1863, dotter til smed på Sandnes, Sivert Svenson Garborg og kona Berta Rasmusdotter frå Høyland (sjå Høyland 73. 4.). Rasmus var husmann og myllemestar på Næsheim etter Aanen Fredrikson, og budde då på Brathodl. Dei fekk 7 barn:

1. Ole Næsheim, fødd 13-6 1886. Busett i Montana, gift med Ella Foss.
2. Berta Næsheim, f. 16-11 1888, gift 8-4 1918 med Konrad Mandius Østerhus, f. i Strand 9-12 1888. Bur i Strand.
3. Sven, f. 21-7 1891, d. 18-4 1892.
4. Sven, f. 19-4 1893, d. 25-4 same året.
5. Klara Næsheim, f. 30-5 1895, gift med Lars Olson Vigre (sjå Vigre 67.).
6. Sverre Næsheim, f. 5-2 1899, d. 30-12 1908.
7. Signe Rebekka, f. 3-11 1904, død 7-7 1905.

113. Gabriel og Tønnes Nærland — (sjå Nærland 43. 6. og 7.), kjøpte Næsheim av Brostrup Berner i 1902. — I 1905 selde Tønnes sin part til Tobias Gudmestad og flutte til Torland, (sjå der 81.). Gabriel Nærland var fødd 8-5 1873, død 22-12 1962. Gift 16-6 1899 med Akseliane Kristine Njølstad, f. 29-12 1875, d. 29-8 1958 (sjå Njølstad 14. 11.). Etter at Tønnes var flutt til Torland, dreiv Gabriel og verbroren Tobias Gudmestad garden saman nokre år. Dei bygde hus til eit nytt bruk på Brathodl og skifte så garden i to og kasta lut om kven som skulle flytje ut. Det vart Gabriel. Og sidan dreiv dei kvar for seg. Seinare, ettersom barna vart vaksne, skifte dei hovedpartane millom kvar sine barn. På Gabriel sin part bur nå 4 av sønene som brukar 3 partar. Gabriel og Akseliane Kristine fekk 11 barn:

1. Torger Nærland, f. på Nærland 31-3 1900, gift 5-7 1925 med Rakel Nilsdtr. Rimestad (Rimestad 64. 3.). Bur på Øgard i Orre, Klepp.
2. Njål Nærland, f. på Nærland 23-10 1901, gift 22-10 1938 med Kari Arneson, f. på Edland i Gjesdal 7-8 1909 (119.).

3. Brostrup Berner Nærland, f. på Næsheim 2-5 1903 (sjå Torland 91.).
4. Gustav Nærland, f. 15-2 1905, gift med Bertha Hjertaas, fødd i Lyngdal 31-1 1909. Han er veterinær, busett på Sandve i Høyland.
5. Olav Nærland, f. 8-9 1906 (nr. 120).
6. Sigurd Nærland, f. 12-5 1908 (121.).
7. Akseliane Kristine Nærland, fødd 9-9 1909, gift 4-4 1936 med Ingebret I. Gausland (sjå Varhaug 148.).
8. Alf G. Nærland, f. 26-8 1912, brukar hovedparten saman med broren Njål. Han eig og bnr. 18 på Lode.
9. Olina G. Nærland, f. 11-7 1914, gift 1948 med Jon Hansson Åse i Klepp, f. 15-4 1911. Bur på Åse.
10. Sigrid Nærland, f. 24-4 1916, gift med Erling Erland, Bryne.
11. Else Nærland, f. 30-8 1921, gift med Einar Thorsen.

114. Tobias Tobiasson Gudmestad — (sjå Gudmestad 36. 6.). Fødd 19-4 1864, død 9-3 1926. Gift 29-3 1889 med Olina Torgersdotter Nærland (Nærland 43. 4.), f. 21-8 1868, d. 7-1 1957. Tobias Gudmestad dreiv som handelsmann på Nærbo til han i 1905 løyste ut Tønnes Nærland på Næsheim, der han ved lutdraging vart eigar av halve Næsheim, bnr. 1. Tobias Gudmestad hadde ikkje dei fysiske krefter og den arbeidstrott som verbroren, men han var ein skynsam mann med praktisk omdøme og godt administrasjons-vit, og då han døde hadde han alt sett ned to av sønene på nye bruk av hovedparten på Næsheim, og sidan fekk 2 andre kvar sin part. — Tobias og Olina Gudmestad hadde 13 barn:

1. Elen Gudmestad, f. 29-3 1890, d. 30-5 1913.
2. Tobias T. Gudmestad, f. 1-5 1891 (sjå 116.).
3. Torger Gudmestad, f. 10-1 1893 (sjå Njærheim 147.).
4. Trygve Gudmestad, fødd 10-12 1894 (117.).
5. Otto Gudmestad, f. 11-12 1896 (sjå 118.).
6. Olina Gudmestad, f. 24-10 1898, gift med Jakob Ingebretson Njærheim — (Njærheim 149.).
7. Gustav Gudmestad, fødd 16-1 1901 (122.).
8. Magnus Gudmestad, fødd 28-10 1902 (Søyland 58.).
9. Klara Gudmestad, f. 29-9 1905, gift med lærar Fredrik Moseidvåg.
10. Eldfrid Gudmestad, f. 28-9 1907.
11. Helga Gudmestad, f. 29-8 1909, gift 15-9 1934 med Erik Johanson Øgard i Klepp. Fengseltendar på Opstad.
12. Ragnar Gudmestad, f. 9-11 1911. Er i USA.
13. Torodd Gudmestad, f. 18-1 1914 (sjå Skjærpe 56.).

115. Per Pederson Vigre (Vigre 54. 2.), f. 26-7 1878, d. 21-9 1957. Gift 30-9 1906 med Margreta Høyland, f. 22-3 1882, d. 7-7 1926 (sjå Høyland under 27.). Per Vigre var fast arbeidsmann hjå Gabriel Nærland mange år, og rekna Næsheim for heimen sin. Han budde lenge i Anna-Johanna-huset, eller svenske-huset, som det var kalla i seinare år. Per og Margreta Vigre hadde 4 døtre:

1. Anna Vigre, f. 5-5 1907, gift 29-1 1930 med Alfred Mellemstrand (Høyland 169. 4.).
2. Maria Vigre, f. 4-11 1908, gift 1932 med Fritjof Haugstad, f. i Klepp 26-6 1909. Bur på Bryne.
3. Petra Vigre, f. 24-5 1910, gift 12-10 1929 med Gabriel Rasmusson Høyland (Høyland 190.).
4. Magna Vigre, f. 7-5 1912.

116. Tobias T. Gudmestad (114. 1.), f. 1-5 1891. Gift 3-9 1922 med Raket O. J. Reime, f. 28-11 1897 (Reime 58. 10.). Han tok over bnr. 1 etter faren i 1926. Barn:

1. Tobias T. T. Gudmestad, f. 12-8 1923, gift med Anna Fosse, f. i Time 11-7 1926, — dotter til Gabriel Tollakson Fosse og kona Ane. Bur på Næsheim.
2. Jon Gudmestad, f. 11-9 1924, gift 1949 med Kristi T. Nærland, f. i Klepp 6-6 1926.
3. Tor Gudmestad, f. 13-12 1925, gift 1-8 1959 med Aslaug Sandsgård.
4. Olina T. T. Gudmestad, f. 3-1 1929, gift med Kåre Fjogstad.
5. Herborg Gudmestad, f. 11-8 1931, gift 1957 med Lars Andreasson Wig, f. 18-6 1929.
6. Erik Gudmestad, f. 11-8 1931, gift 1954 med Borghild Eriksdtr. Skretting, f. i Varhaug 11-2 1931.
7. Rønnaug Gudmestad, f. 27-5 1933, gift 1956 med Kåre Trane Skadsem, f. i Klepp 29-8 1931.
8. Terje Gudmestad, f. 17-1 1935, gift 31-9 1957 med Tordis Norheim.

117. Trygve T. Gudmestad (114. 4.), fødd 10-12 1894, — gift 25-7 1920 med Sigrid Theresie Gudmestad, fødd 3-3 1896 (sjå Gudmestad 47. 5.) Trygve tok over ein part av Næsheim, bnr. 6, av faren i 1920. Barn:

1. Oli Gudmestad, f. 12-4 1922, gift med Trygve Refsnes (10. 7.).
2. Solveig Gudmestad, f. 30-11 1925, gift med Knut Gundersen.

118. Otto Gudmestad (114. 5.), fødd 11-12 1896. Gift 24-7 1924 m. Ingebjørg Gurine Ånestad, fødd 11-3 1898 (sjå Kvia 59. 3.). Otto tok over ein annan part av hovedbruket, bnr. 8, i 1924. — 2 barn:

1. Liv Ruth Gudmestad, f. 2-4 1927, gift 1950 med Torvald Jørgen Aas, Oslo.
2. Torodd O. Gudmestad, f. 7-5 1928, gift med Liv Gunnvor Omdal, Stavanger.

119. Njål Nærland (113. 2.), f. 23-10 1901. Gift 22-10 1938 med Kari Arneson, fødd på Edland i Gjesdal 7-8 1909. Njål Nærland tok over ein part av faren sitt bruk, bnr. 11. I 1940 tok han over hovedbruket, bnr. 5, saman med broren Alf. Dei har 5 barn[†]

1. Målfrid Nærland, f. 14-10 1939, gift 1964 med Svein Skjærpe.
2. Gudmund Nærland, f. 21-4 1941.
3. Kirsti Nærland, f. 19-3 1943.
4. Steinar Nærland, f. 23-8 1944.
5. Astrid Nærland, f. 31-3 1946.

120. Olav G. Nærland (113. 5.), fødd 8-9 1906. Gift 26-6 1932 med Ingeborg Halvardsdotter Salte, fødd i Klepp 26-6 1908,

dotter til Halvard Kristianson Salte og Karen Johanna Larsdtr. Olav tok over bnr. 11 av broren Njål i 1949. Dei har 4 barn:

1. Kristine O. Nærland, f. 9-1 1934, gift 18-4 1962 med Olav Hamran, Konsmo.
2. Gabriel O. Nærland, f. 19-7 1936.
3. Harald Nærland, f. 7-5 1939, gift 29-12 1960 med Judith Varhaug, f. 15-6 1941.
4. Kjellbjørn Nærland, f. 15-2 1946.

121. Sigurd Nærland (113. 6.), fødd 12-5 1908. Gift 1930 med Helga Asbjørnsdotter Vig, fødd i Klepp 11-4 1909. Han tok over ein part av hovedbruket, bnr. 13, av faren i 1932 — Bam[†]

1. Gabriel S. Nærland, f. 6-6 1930, gift 22-2 1958 med Sølvi Steinarsdtr. Langholen, f. i Klepp 29-9 1936.
2. Kari S. Nærland, f. 12-9 1931, gift 24-8 1957 med Daniel Ims.
3. Asbjørn S. Nærland, f. 7-6 1933, gift 6-6 1959 med Hilleborg Viig, Tengesdal.
4. Svein S. Nærland, f. 27-1 1935, gift 1962 med Maria Hodne.

122. Gustav Gudmestad (114. 7.), f. 16-1 1901. Gift 13-7 1946 med Anna Meyer, f. i Lister 1-3 1902. Han tok over ein part av hovedbruket i 1930, bnr. 10, saman med broren Magnus, som i 1938 kjøpte ein part på Søyland.

G. nr. 17. Lode

Namnet Lode er av uvisst opphav, så vidt som O. Rygh og Magnus Olsen veit. Garden ligg millom Vigre og Næsheim i vest og nord og Skjærpe og Ødemotland i aust og sør. Lendet er mest heilt flatt og strekkjer seg rundt ei tjørn, Lode-tjødno og haller av noko mot Næsheim og Skjærpe. Jorda ymsar frå turr lynghei til våtlendt leir og kviksand og noko torvmyr.

Lode hadde ei korn landskuld på 2 pund i 1723. Av dette åtte Halsnøy Kloster IV₂ pund og Sigri Gunderdtr. Idsal y₂ pund, alt skift millom 3 brukarar.

NAMNEREGISTER

1. Oluff 1519
2. Niell
3. Ingil
4. Asbjørn
5. Oluff 1563
6. Peder 1563
7. Odd Lode
8. Jens Lode
9. Oluff 1602
10. Peder 1613
11. Knut i Haavaag
12. Mogens Lode
13. Eivind Håvardson
14. Eivind Torgierson
15. Tjærand Gitleson
16. Erik Jakobson
17. Anders Lode
18. Asser Lauritsson
19. Osmund Lode
20. Jon Rasmusson
21. Ola Lode I
22. Ola Lode II
23. Rasmus Eivindson
24. Hans Olson
25. Rolv eller Roald Olson
26. Gitle Omundson
27. Erik Erikson
28. Sven Kristoferson
29. Erik Olson Reiestad
30. Omund Gitleson
31. Lars Jonson Næsheim
32. Erik Ingebretson Bryne
33. Ola Larsson
34. Erik Olson
35. Erik Ivarson
36. Ingebret Svenson Bø
37. Lars Olson
38. Peder Adneson
39. Erik Ingebretson Lode
40. Ola Olson Taksdal
41. Nils Ellingson Skrettingland
42. Knut Osmundson Garborg
43. Peder Gunnarson Kvål
44. Ola Larsson Mossige
45. Lars Tolleivson Håland
46. Elling Toreson Friestad
47. Tolleiv Henrikson Hårr
48. Adne Pederson Lode
49. Andreas Andreasson Høyland
50. Bendiks Mathiasson Sandgås
51. Peder Knutson
52. Gabriel Mikal Pederson
53. Tønnes Toreson Nærland
54. Lars Olson Høyland
55. Sven Svenson (Adlesta)
56. Gabriel Pederson
57. Erik Pederson Lode
58. Erik Pederson Mauland
59. Martin Bendikson
60. Peder Pederson Lode
61. Tønnes Sivertson Gudmestad
62. Martin Torgerson Næse
63. Jonas Erikson Reiestad
64. Sven Erikson Næsheim
65. Simon Andreasson Lode
66. Tore Isakson Auestad
67. Tollef Torgerson Næse
68. Søren Bertinius Svenson
69. Tore Kristianson Tjensvoll
70. Helmik Svenson Lode
71. Peder Elias Mikalson
72. Nils Mortenson Fuglestad

73. Tønnes Toreson Tjåland
 74. Bertinius Martinson Lode
 75. Rasmus Rasmusson Rugland
 76. Sven Tønnesson Bø
 77. Palle Ingvald Erikson Lode
 78. Peder Enevald Svenson Lode
 79. Enevald E. Lode
 80. Peder E. Lode
 81. Garman Lode
 82. Sven S. Lode
 83. Gabriel M. Lode
 84. Martin S. Lode
 85. Sven Tønnesson Lode, Tjåland
 86. Theodor Bertinius Sirevåg
 87. Peder P. Lode
 88. Tollef T. Lode
 89. Tønnes Govertson Lode
 90. Ole Lauritsson Høyland
 91. Omund O. Høyland
 92. Napoleon Njølstad
 93. Ole Pederson Haugseng
 94. Tønnes T. Kvia
 95. Torkel S. Lode
 96. Nils Nilsson Lode
 97. Sven G. Lode
 98. Laurits Høyland
 99. Otto Obrestad
 100. Arne T. Lode
 101. Andreas E. Lode
 102. Godtfred G. Lode
 103. Magne Ingolf Lode
 104. Torvald G. Lode
 105. Einar P. Lode
 106. Alf G. Nærland
 - 106B. Odd O. Kvia
 107. Trygve Lode
 108. Olaf E. Lode
 109. Oskar og Seline Lode
 110. Erling E. Lode
 111. Karsten P. Lode
 112. Karsten Vigre
 113. Lars Høyland
 114. Sverre M. Lode
1. **Oluff** er nemnd på Lode i 1519 og 1521.
 2. **Niell** nemnd 1519.
 3. **Ingil** nemnd 1521.
 4. **Asbjørn** nemnd 1563.
 5. **Oluff** nemnd 1563.
 6. **Peder** nemnd 1563.
 7. **Odd Lode** var lagrettsmann i 1591. Kring 1603 kom han til Hellestø, der han byksla 1y2 pund. I rettsaka om slåttan på Loderonga på Håland i 1623 får me vita om 3 av Odd sine barn:

1. Oluff Risa (Risa 10.).
2. Niels Vigre (Vigre 6.).
3. Guri Oddsdr.
Dessutan meinar Jakob Jåthun at Halvard Oddson Hellestø var son til Odd Lode.

Odtte på Lode bøtte iy> dalar i 1567 for han hogg Euemud på Leerbreche.

8. **Jens Lode** nemnd 1602/03/13. I 1618 måtte Tore Næsheim bøta iy> dalar for han hadde slege Jens Lode sitt barn med eit "snørre biedsell". Jens gav 4y2 spd. leidang i 1619.

9. **Oluff Lode** nemnd 1602/13.

10. **Peder Lode** er nemnd i 1613.

11. **Knut i Haavåg** vitna i slätte-saka 1623, at då han budde på Lode for 52 år sidan, då brukte han Nesjane på den nøre sida til Fenet, og på den søre sida til Runden (Rongen?), — der som den store steinen står i bekken.

12. **Mogens Lode** vart tilsett til ("soren-mend"?) saman med Gjermund Gudmestad i 1623. Han gav 4y2 spand leidang i 1624 og 1629.

13. **Eivind Håvardson** er nemnd på Lode i 1602 og 1624 og gav 4y2 spand leidang (sjå om han på Ødemotland 3.).

13B. **Truls** brukte dei 4y2 spand i Lode i 1629.

14. **Eivind Torgierson** gav 3 spand leidang i 1619/29/45.

15. **Tjærand Gitleson** var på Lode i 1634 og 1645. I 1650/65 er han nemnd på Tunheim i Time. Tjærand brukte 3 vett = 18 spand i Lode, som Peder Saxe åtte. Av barn kan nemnast:

1. Jon Tjærandson, f. 1641.
2. Torsten Tjærandson, f. 1643.
3. Ola Lode? (sjå 21.).

16. **Erik Jakobson** brukte 3 vett i Lode 1645 og 1665. Han var fødd kring 1605, skifte etter han 12-2 1683, gift 1) med Malena Salomonsdr. Skretting, som der var skifte etter 25-4 1670 (Skretting 5. 2.), gift 2) med Malena Aslaksdotter Opstad, skifte 17-3 1711 (Opstad 12. 3.). 4 barn i 2dre gifte:

1. Aslak, død før 1711.
2. Jon Erikson Skrettingland (9.).
3. Jakob Erikson, f. 1674 (Njærheim 53.).
4. Erik Erikson, f. 1680 (27.).

17. Anders Lode var laugrettesmann i 1653.

18. Asser Lauritsson, var son til Laurits Asserson Vashus i Klepp. Han var fødd kring 1615, død 1669, skifte 11-1 det året. Gift 1) med Kirsti Andersdr. Sele, død før 1660. Gift 2) med Kirsti Johannesdr. som levde i 1669. Det er uvisst kvar ho var frå. Asser hadde butt ei tid på Sele og det er uvisst kva tid og på kva måte han kom til Lode. Han brukte 3 vett = 18 spand klostergoods i 1665, truleg den parten som Eivind Torgierson eller Tjærørand Gitleson hadde brukt. Der er nemnde 4 barn av første gifte. Der var og barn i andre gifte, men dei er ikkje namngjevne:

1. Jon Asserson var i Holland i 1669.
2. Anders Asserson, f. 1650.
3. Laurits Asserson, f. 1653 (sjå Skretting i Varhaug 23.).
4. Gjertrud Asserdr.

Om dei andre barna heiter det ved skiftet i 1669: "belangende sal. Assers's børn med hans seeneste qvinde findes intet til denem at arffue." Men eg har meint at ein son:

5. Halvard Asserson Grøtheim i Nærbø var son hans Asser Lode (Grøtheim 8.).

19. Osmund var død før 1660. Eg veit ikkje om han hadde butt på Lode, men enkja hans var gift med Rasmus Eivindson som hadde desse stykbarna i 1665:

1. Einar Osmundson, f. 1646.
2. Laurits Osmundson, f. 1649.
3. Torstein Osmundson, f. 1656.
4. Omund Osmundson, f. 1661.

20. Jon Rasmusson Lode fekk bevilling til å gifta seg med tremenningen sin, Gjertrud Sivertsdotter, 30-6 1669. Gjertrud var truleg dotter til Sivert Omundson Bjelland i Gjesdal, og Jon var bror til Ola Rasmusson Store Håland, som truleg var gift med enkja etter Ljøde Ellingson Håland, Barbro Gitlesdotter frå Øksnevad, som var syskenbarn til Sivert Omundson Bjelland. — Jon Rasmusson budde seinare på Vig, der det var skifte etter han 2-10 1691. Han let etter seg ei dotter:

Kirsten Jonsdr.

21. Ola (Tjærørandson?) Lode er ingen stad nemnd. Men han må ha vore gift med enkja etter Erik Jakobson (16.), Malena Aslaksdr., for ho hadde ei dotter, Kirsten Olsdr., som var 25 år i 1711. — Ola var truleg son til Tjærørand Gitleson (15.). Ola

Tjærørandson Lode var stevnd for Retten den 16-3 1698, fordi han nekta å skyssa futen. Han vart dømd å bøta ein halv dalar, med trugsmål om høgare bot om han nekta ein annan gong. Ola var død før 1701, og Malena heldt skifte med barna 1711.

22. Ola Lode II kan ikkje ha vore den same som 21. Der var skifte etter han 4-9 1699. Enkja heitte Anna Knutsdotter, som før hadde vore gift med Ola Skjærpe (Skjærpe 8.). — 2 barn:

1. Ola Olson, f. 1690.
2. Karl Olson, f. 1695.

23. Rasmus Eivindson var på Lode i 1665. Han var fødd kring 1638, gift med enkja etter Osmund Lode (19.). Det er uvisst kva ho heitte, og noko skifte er ikkje funne. Det er muleg at han var son hans Eivind Rasmusson Hauge i Klepp. Han brukte eit halvt pund i 1665. Barn er ikkje nemnde.

23B. Albret Lode var laugrettsmand i 1692. Det er uvisst kven han var.

24. Hans Olson Lode er nemnd i 1701. Han var fødd kring 1660. Korkje kona eller barn er nemnde, men han hadde ein dreng som heitte Asbjørn Olson og var frå Øgna (Bru), fødd kring 1667. — Kanskje han var Hans sin bror? Meir veit me ikkje om dei førebels.

25. Rolv eller Roald Olson var og på Lode i 1701. Han var fødd kring 1673, gift med enkja etter Ola Lode (22.), Anna Knutsdotter. Der er ikkje funne skifte etter dei, og barn er ikkje nemnde.

26. Gitle Omundson kom til Lode i 1704. Han var fødd i Varhaug kring 1678, og der var skifte etter han 26-6 1734. Gift i 1705 med Ingeborg Omundsdr. Reiestad (sjå der 8. 9.). Det er uvisst kven sin son Gitle var. Han byksla 12 spand i Lode, som Sigr Gunnarsdr. Idsahl åtte i 1723. Det var truleg den parten som Rasmus Eivindson hadde brukt. Gitle og Ingeborg Lode hadde 4 barn:

1. Omund Gitleson Lode (30.).
2. Rasmus Gitleson Årsland, f. 1708 (Årsland, Varhaug 18.).
3. Ingeborg Gitlesdr. var ugift i 1734. Ho hadde stemnt Vikan Mikkelsen Grøtheim for leiermål og barnefar til barnet hennar i 1741. (Tingb. V side 355.)
4. Berit Gitlesdr., fødd 1716, gift med Rasmus Hanson (Rimestad 21.).

27. **Erik Erikson Lode**, son til 16., var fødd kring 1680, død 1740, skifte 9-10. Gift med Berit Lauritsdotter. Erik byksla 18 spand som Halsnøy Kloster åtte, og som faren truleg hadde brukt. To barn er nemnde:

1. Erik Erikson, gift 1738 med Karen Gundersdr. Sandnes. Han var korporal og budde i Flekkefjord.
2. Eli Eriksdr., gift 1) med Lars Jonson Lode, gift 2) med Erik Ingebretson Lode (31. og 32.).

28. **Sven Kristoferson Ognå**, son til Kristofer Aslakson Ognå og kona Berit Svendsdotter. — Han var fødd kring 1670, gift med Karen Gabrielsdotter Lura (sjå Nærland 18.). Sven kom til Lode i 1703 og var der i 1736. Han byksla 3i/2 vetter = 21 spand klostergoods av forvaltar, assessor Willum Hansen, datert 18-3 1704. Halsnøy Kloster åtte godset. Sven Lode og Ola Kydland var for Retten 22-11 1726 for dei hadde vore i slagsmål. Ola Kydland kom og skulle ta Sven sin son som ikkje hadde møtt til sesjonen, men fann han ikkje. Dei hadde i så fall ordre å ta faren med, men Sven ville ikkje fylgja Ola Kydland, tok då Sven i håret og ville dra han med. Omund Gitleson Lode var med Ola Kydland. Sven bad for seg, at dei ikkje måtte ta livet av han. "Fanden ta livet av deg!", svara Ola, og så hadde dei lote gå frå han utan å få han med. Eg har ikkje funne skifte etter korkje Sven eller kona, og barn er ikkje nemnde.

29. **Erik Olson Reiestad** (Reiestad 16. 1.) var systerson til Sven Kristoferson si kona. Han var fødd kring 1710, død 1745, gift med Malena Olsdotter Varhaug, fødd kring 1699 (sjå Sør-Varhaug 25. 5.). — Erik hadde teke over dei 18 spand etter Sven Kristofferson i 1742. Dei hadde 4 barn:

1. Ola Erikson, fødd 1730, død ugift før 1774.
2. Kirsti Eriksdotter, f. 1736, gift i Stavanger.
3. Kari Eriksdr., f. 1741, gift med Ola Torkelson Undheim.
4. Gabriel Erikson, f. 1745, gift med enkja etter Erik Asbjørnson Hauge, Guri Pedersdr. Budde på Hauge i Klepp.

30. Omund Gitleson, son til 26., — fødd kring 1707, skifte 14-2 1754, gift 1) med Mette Olsdotter, som der var skifte etter 9-10 1741, gift 2) med Kirsten Halvardsdr., søster til Jon Line. Omund brukte

dei 12 spand etter faren. — 3 barn i 1. gifte:

1. Gitle Njærheim, (Njærheim 70.).
2. Ola, f. 1732, han tente på Grødaland i 1758.
3. Omund, f. 1736.

31. **Lars Jonson Næsheim** (Næsheim 40. 2.), fødd kring 1716, gift med Eli Eriksdotter Lode (27. 2.). Dei var gifte ikring 1738, og Lars døde før 1742. Dei var tremeningar. Lars hadde teke over dei 18 sp. klostergoods etter Erik Erikson (27.). Truleg var desse barna deira:

1. Erik Larsson, f. 1739, (gift med Malena Olsdr.?). Han gjorde odelskrav på 1 pund i Næsheim i 1764, og lyste pengemangel (sjå Næsheim 43.). Han budde i Stavanger.
2. Guri Larsdr., gift med Hans Hansson, budde i Stavanger.
- (3. Gitlaug Larsdr. Lode, gift med Johannes Jakobson?)

32. **Erik Ingebretson Bryne**, son til Ingebret Ingebretson Bryne og kona Elisabet Eriksdr. Han var fødd kring 1711, skifte 5-5 1773, gift 1) i Ognå 1741 med Anna Taraldsdotter Bø i Ognå, som døde same året, gift 2) med enkja etter Lars Jonson Lode, Eli Eriksdotter. Erik brukte dei 18 sp. etter Lars Jonson. Dei fekk 2 døtre:

1. Elisabet Eriksdr., gift med Ingebret Svenson Lode (36.).
2. Berta Eriksdr., gift med Frants Jonson Næsheim i Stavanger (sjå Næsheim 40. 4.). Han var bror til Lars Jonson Lode.

33. **Ola Larsson** brukte 18 spand klostergoods etter Erik Olson (29.) frå 1747. — Kammerråd Valentinsen åtte då godset. Ola var fødd kring 1722, død 1787. Det er ikkje greitt kvar han var frå. Han åtte ein part i Årestad i Time, som ein annan Ola Larsson brukte, og som Lars Velleson hadde brukt før. Kanskje var dei to Ola Larsson brør, og Lars Velleson far deira? Ola Larsson Lode var gift med Anna Olsdotter Bø, fødd kring 1723, død 1793 (sjå Bø, Ognå). Dei fekk 6 barn:

1. Lars Olson Mossige, f. 1746, gift med Siri Jespersdr. Mossige.
2. Malena Olsdr., f. 1750, gift med Lars Rasmusson (Kvia 25.).
3. Rasmus Olson Salte, f. 1753, gift med Maren Olsdr. Salte, som seinare vart gift med Rasmus Olson Vig på Salte.
4. Ola Olson Fosse i Time, f. 1754, gift med Malena Eriksdr. Tvihaug (sjå Tvihaug, Varhaug 17. 9.).

5. Anne Berte Olsdtr., f. 1756, gift med Samuel Ellingson Næsheim (sjå Næsheim 66.).
6. Lars Olson Lode, f. 1759 (37.).

34. Erik Olson Lode var komen til Lode i 1758 og brukte dei 12 sp. etter Omund Gitleson, og som Sigri Gundersdtr. framleis åtte. Erik var fødd kring 1728. Han var bror til Sissel Olsdtr. som var gift med Henrik Henrikson Madland i Varhaug. — Han var gift med enkja etter Omund Gitleson (30.), Kirsten Halvardsdotter. Han vart kanskje og gift 2) med Maren Olsdotter Varhaug, fødd 1753, død på Lode 5-4 1837 (S-Varhaug 42. 3.). Der er ikkje funne noko skifte, og barn er ikkje nemnde.

35. Erik Ivarson Njærheim (Njærheim 51.), var fødd kring 1735, og budde framleis på Lode i 1801. Han byksla 12 spand i Lode av Ludvig Endreson Nessa i Ryfylke i 1764. Det var den parten som Erik Olson hadde brukt. I 1769 fekk han skjøte på dei 12 spand av Endre Lydingen m. fl., og selde det same til Hans Gunnarson Obrestad i 1770 for 34 dalar. Sidan byksla han det att av dei Obrestad. Erik Ivarson var gift med enkja etter Erik Olson, Maren Olsdotter. — Ho er kalla Malena Olsdtr. i 1801, men då ho døde i 1837 heitte ho Maren. Ho var andre kona hans, og han hadde først vore gift med Anna Samuelsdtr. Bryne, fødd 1725, død 1786, barnlaus. Erik Ivarson hadde ei tenestegjenta i 1801 som heitte Malena Eriksdtr., 16 år gamal. Barn er ikkje nemnde, men den 12-3 1795 er gift i Stavanger ein Ola Erikson Lode med Maren Gurina Svensdtr. Vølstad. Denne Ola Erikson må vera død før 1799, for 14-11 det året er enkja Maren Gurina gift med Jonas Larsson Helland i Stavanger. Det er uvisst kva tid Erik Ivarson døde. Han levde i 1811 som følgemann hjå Ola Olson Lode.

36. Ingebret Svenson Bø (sjå Bø 41. 2.), var fødd kring 1740. Han var systerson til Erik Ingebretson (32.) og gift med dotter hans, Elisabet Eriksdotter, fødd kring 1745, død 1-4 1823. Ingebret døde 6-11 1822. I 1772 byksla han 3y2 vett = 21 spand av fru Valentinsen, og fekk auksjonskjøte på det same i 1796 for 217 dalar. Eg skynar ikkje korleis dei 18 sp. har vorte til 21 sp., både på denne parten og den andre parten som Valentinsen åtte, utan at der er teke noko av den tredje parten, som framleis hadde sine 12 spand. Det er ein auke på y2 pund.

Det må vera eit mistak her, for bruka var framleis 2 på 18 sp. og 1 på 12 sp. Ingebret Svenson og Elisabet Eriksdtr. hadde 3 barn:

1. Erik Ingebretson Lode, f. 1773 (39.).
2. Sven Ingebretson, f. 1783, levde i 1801. Han er ikkje nemnd seinare.
3. Elen Ingebretsdtr., f. 1789, gift 1826 med enkjemann Rasmus Eivindson Skrettingland, Varhaug (sjå der 16.).

37. Lars Olson, son til 33., f. 1759, d. 21-11 1823, gift med Elisabet Berdinesdtr. Line, f. 1757, dotter til Berdines Ingebretson Line og Elisabet Samuelsdtr. frå Bryne. Han byksla 21 sp. av fru Valentinsen i 1784 etter faren. I 1796 fekk han auksjonskjøte frå sorenskriver Bentzen på dei 21 sp. for 200 rdl. Dei hadde visst 6 barn:

1. Berta, f. 1787, gift med Nils Ellingson (41.).
2. Elisabet, f. 1-11 1789, d. 10-4 1852, ugift.
3. Anna, f. 14-4 1793, d. 15-9 1796.
4. Elisabet d. y., f. 7-12 1794, d. 13-12 s. å.
5. Ola, f. 5-4 1796, d. 5-10 1797.
6. Ola, f. 30-6 1798, d. 28-6 1824, ugift. Lars Olson Mossige, som var Lars Lode sin eldre bror, hadde løyst inn bruket i 1800.

38. Peder Ådneson var son til Ådne Pederson Husveg og kona Eli Jakobsdotter (sjå Husveg i Varhaug 28. 2.). Han var fødd kring 1772, død 22-10 1809, gift i Ognå (1799?) med Ågot Olsdtr., fødd i Ognå 1771, død 18-3 1848, dotter til Ola Olson Bjelland i Ognå og kona Ågot Mortensdtr. frå Bø i Ognå. Peder Ådneson hadde butt på Bratland i Varhaug. I 1801 byksla han 12 sp. i Lode av Hans Obrestad etter Erik Ivarson. Då han var død gifta Ågot seg med Ola Olson. Peder Ådneson fekk 4 barn:

1. Ådne Pederson Lode, fødd 14-4 1800 (48.).
2. Elen, f. på Lode 7-11 1802, gift med Knut Osmundson (42.).
3. Anna Maria, f. 8-8 1805, d. 14-5 1810.
4. Ola Pederson, f. 22-7 1808, gift 1833 med Anna Olsdtr. Skretting. Budde på Torvholen under (Haugstad i Varhaug 43.).

39. Erik Ingebretson Lode, son til 36., var fødd i 1773. Gift i Ognå 8-6 1800 med Malena Olsdotter Bø, fødd 1774, død 3-3 1851, dotter til Ola Larsson Bø i Ognå og Berit Torstensdotter Stavnheim. Erik kjøpte 21 spand av faren i 1800 for 180 dalar og folge. (Her har me atter dei 21

sp., men futerekneskapen seier 18 sp.)

Dei hadde 9 barn:

1. Elisabet Eriksdtr., f. 1801, gift med Peder Gunnarson (43.).
2. Berta Eriksdtr., f. 1802, gift 1829 med Omund Omundson Rimestad (Rimestad 44.).
3. Barbro Eriksdtr., f. 1804, gift 1825 med Sivert Torstenson Rimestad (Rimestad 50.).
4. Olina Eriksdtr., f. 1806, gift 29-3 1833 med Gabriel Henrikson Vig. Budde på Sandnes.
5. Ingeborg Eriksdtr., f. 3-2 1808.
6. Malena Eriksdtr., f. 9-5 1810, gift 18-7 1851 med Omund Rasmusson Rimestad (Rimestad 51.).
7. Ingeborg Eriksdtr., f. 24-8 1813, gift med Jon Jonson Line.
8. Serina Eriksdtr., f. 19-11 1816, d. 14-6 1817.
9. Ingeborg, f. 22-3 1812, d. 29-5 s. å.

40. Ola Olson Taksdal var son til Ola Tørresson Taksdal i Time og kona Anna Laurensa Olsdtr. Eikeland. Han var fødd på Tunheim kring 1785. Gift 29-11 1811 med enkja etter Peder Adneson Lode, Ågot Olsdotter. Ola må ha levdt då Ågot døde i 1848, for ho var kalla folgekone og ikkje enkja, — men kyrkjeboka viser ikkje kva tid han døde. Han byksla dei 12 spand av Hans Obrestad i 1811 etter Peder Adneson. Han gav folge til Erik Ivarson og Maren Olsdtr. i 1811. — Ola Olson og Ågot Lode hadde 2 barn:

1. Peder Olson, f. 25-9 1812, gift 1844 med Anna Kirstina Larsdtr. (sjå Sør Varhaug 95.).
2. Ola Olson, f. 12-12 1816, gift i Stavanger 26-4 1838 med Elen Ellingsdotter (Næsheim 77. 4.). Budde i Stavanger.

41. Nils Ellingson var son til Elling Nilsson Skrettingland i Varhaug og kona Anna Malena Kristensdtr. (Skrettingland 13. 1.). Han var fødd kring 1782, død 14-10 1838, gift 30-11 1817 med Berta Larsdtr. Lode, f. 1787, d. 23-3 1852, dotter til 37. Nils byksla 21 sp. av Lars Olson Mossige i 1818. — 6 barn:

1. Lars Nilsson, f. 26-7 1818, gift i Stavanger 20-10 1847 med Elen Helgesdtr. Hustoft, f. 1814. Han var bygningsm. i Stavanger.
2. Anna Malena, f. 19-8 1819, gift 13-6 1842 med matros Lars Pederson Wikse, fødd i Skåre 1817.
3. Elisabet, f. 27-4 1821, gift i Stavanger 22-4 1858 m. Kristen Larsson Jutland.
4. Elling, f. 30-3 1823.

5. Nils, f. 22-5 1825.

6. Abraham, f. 21-9 1827.

42. Knut Osmundson var son til Osmund Knutson Garborg og kona Berit Johannesdtr. Han var fødd i Time 1782, død 16-1 1858, gift 28-4 1824 med Elen Pedersdtr. Lode, fødd 7-11 1802, død 12-2 1883, dotter til 38. Knut byksla 12 sp. av Anna Gunnarsdtr. og Berta Gunnarsdtr. Obrestad ved Peder Hansson i 1824 etter Ola Olson. I 1833 kjøpte han dei 12 sp. av Tjøl Nærland og Ola Henrikson Salte (som då var gifte med Anna og Berta) for 40 spd. — Knut og Elen Lode fekk 10 barn:

1. Berta Maria, f. 4-2 1827, gift med Gabriel Mikal Pederson (52.).
2. Peder, f. 18-9 1825 (51.).
3. Karen Olina, f. 20-5 1828, d. (1831?).
4. Elen, f. 27-7 1830, gift 27-3 1856 med Hans Fredrik Andreasson Skretting. Reist til Amerika. (S-Tjemsland 60.).
5. Karen Olina, f. 21-10 1832, gift med Erik Pederson Mauland (Lode 58.).
6. Berta Knutsdtr., f. 12-1 1835, gift 28-5 1869 med Ola Rasmusson Høyland (Høyland 133.).
7. Osmund Knutson, f. 10-4 1833. Han var lærar i Arendal.
8. Kristina Knutsdtr., f. 4-5 1841.
9. Ole-Andreas Knutson, f. 8-3 1844, gift 24-11 1881 med Regina Rasmusdtr. Kleppe, gift 2) med Ingeborg, fødd i Sokndal. Han var lærar i Klepp ei tid, seinare i Høyland, men var på Grøtheim i Time i 1900.
10. Anna Malena Knutsdotter, gift 21-5 1857 med Tønnes Jensson Sirevåg.

43. Peder Gunnarson Kvål var son til Gunnar Olson Kvål i Helleland og kona Guri Pedersdtr. Han var fødd i 1799, død 8-1 1858. — Gift 4-3 1827 med Elisabet Eriksdotter Lode, fødd 16-8 1801, død 1-1 1868 (39. 1.). Peder Gunnarson kjøpte 18 spand av Erik Ingebretson si dødsbu i 1827 for 290 dalar. (Dei 21 sp. er nå vorte til 18 sp. att.) Dei fekk 9 barn:

1. Erik Pederson Lode, f. 3-11 1827 (57.).
2. Gabriel Mikal Lode, f. 19-9 1829 (52.).
3. Ingeborg Serina, f. 1-4 1831, gift 17-7 1860 med Johannes Toreson Sunde i Håland.
1. Peder Pederson, f. 29-7 1832, d. 5-6 1838.
5. Gabriel Pederson Lode, f. 12-1 1834 (56.).
6. Johanna Margreta Pedersdtr., f. 7-5 1836, d. 2-6 1839.
7. Elisabet Pedersdtr., f. 2-5 1839.

8. Peder Pederson Lode, fødd 1-2 1842 (60.).
9. Johanna Margreta Pedersdotter, f. 4-6 1847, d. 3-12 1847.
44. **Ola Larsson Mossige** står som eigar og brukar av dei 18 sp. som Nils Ellingson hadde brukt, i 1828. Nils Ellingson døde som husmann på Lode 14-10 1838.
45. **Lars Tolleivson** var son til Tolleiv Rasmusson Håland i Klepp og kona Marren Larsdr. frå Borsheim. Han var f. 30-3 1802, død på Torlandsmyrå 2-2 1883, gift i Klepp 6-3 1828 med Karen Malena Torkelsdr., f. 17-1 1808, dotter til Torkel Sivertson Anda og kona Ingeborg Toresdr. — Lars byksla 9 sp. av Ola Larsson Mossige i 1830, som var helvta av det som Nils Ellingson hadde brukt. I 1835 kjøpte han heile garden, 18 sp. av Ola Mossige for 100 spd. + følge til Berta Larsdr. (Nils Ellingson si kona). Han selde dei 9 sp. til Bendiks Mathiasson straks etter, og i 1850 selde han dei andre 9 sp. til Tønnes Toreson og flutte til Torlandsmyrå (sjå Torland 67.). Dei fekk 12 barn:
1. Maria, f. på Anda 3-7 1828. Ho var skreddar i Stavanger.
 2. Ingeborg, f. på Lode 26-4 1830, gift i Stavanger 17-12 1858 m. Mikal Monsson i Stavanger, f. 1830, son til Mons Toreson Høyland i Stavanger (sjå Høyland 58 3.).
 3. Tønnes Larsen, f. 8-7 1834, død på Hinna 7-11 1922, gift 25-9 1862 med Marta Malena Jonasdr., f. i Stavanger 20-6 1840. — Han var bakar og dropsfabrikant i Stavanger. — Son: Bakar Larsen, Nærbø (Skjærpe 43.).
 4. Karen Elisabet, f. 14-9 1836, d. på Nærbø 23-9 1911, ugift.
 5. Sven, f. 5-9 1838, d. 12-9 s. å.
 6. Sven Larsen, f. 4-4 1840, gift 1) i Stavanger 7-10 1866 med Bendicte Marie Omundsen frå Flekkefjord, gift 2) med Marie Toresen, Sandnes. Han var bakar på Algård.
 7. Rakel, fødd (1842?) (Rakel Taletta), gift 19-5 1864 med Ola Rasmusson Hobberstad (sjå Skjærpe 39.).
 8. Sem Larsen, fødd 2-3 1844. Reist til Amerika.
 9. Tabitta Kristine, fødd 25-5 1846, gift med målar Andreas Nilsson Anda i Stavanger.
 10. Anna Justine, f. 2-9 1848, d. 1911, gift 1) i Stavanger 12-9 1869 med matros Rasmus Helmiksen, gift 2) med Jakob Helvig i Stavanger.
11. Kirstine, f. (1850?), gift med Edvard Jensen i Stavanger.
12. Andreas. Bakar i Stavanger.
46. Elling Toreson Friestad var son til Tore Ellingson Friestad i Klepp og kona Marta Johannesdr. Han var f. 3-8 1801, gift i Klepp 29-4 1823 med Karen Taletta Abrahamsdr. Time. Elling kom til Lode i 1830 då han byksla 9 sp. av Ola Mossige, som Nils Ellingson hadde brukt. I 1835 tok Bendiks Mathiasson over dei 9 sp. og Elling flutte tilbake til Friestad i 1838. 4 barn var fødde på Lode, 1 i Klepp:
1. Taletta, f. 6-7 1829, gift 15-4 1863 med Peder Eilertson Friestad.
 2. Abraham, f. 2-2 1832, d. 29-2 s. å.
 3. Abraham, f. 24-10 1833, d. 17-1 1834.
 4. Peder, f. 17-5 1835.
 5. Tobia, f. i Klepp 27-1 1823, gift med Tønnes Toreson (53.).
47. Tollef Henrikson Hårr (sjå Høyland 80.), byksla eller pakta dei 9 spand etter Elling Toreson i 1839.
48. Adne Pederson Lode, son til 38., fødd 14-4 1800, død på Flåden under Vigrestad 25-6 1860, gift 2-12 1830 med Anna Torstensdr. Rimstad, f. 19-6 1803, død på Rimstad 27-6 1870 (Rimstad 31. 3.). Adne var skulemeister og budde på Lode som husmann. Han var ein original som ikkje alltid fylgde reglar og forskrifter i skulearbeidet. Han var svært glad i flaska og hadde ofte presten og skulestyret over seg når han hadde vore særst full på skulen. Berre 2 barn er nemnde i kyrkjeboka:
1. Anna Maria, fødd 3-4 1831, gift med Jakob Gunnarson Stavnheim.
 2. Guri, f. 17-1 1833, gift 1) 1-3 1855 med Lars Olson Røyseland under Voll i Varhaug, gift 2) med Kjell Knutson Spødervoll på Sandnes.
- Den 26-3 1856 vart dom avsagd i åstad-sak mellom Adne Lode og Gabriel Mikal Pederson Lode, der det vart kjent for rett: "Husmand Aadne Pedersen Skjærpeledet, som bruger og besidder av pladset Skjærpeledet under Gabriel Mikal Pedersens gaard, Lode, kjendes for sin og hustrus brukstid berettiget til: a. græsgang og beide i gaardens udmark for de kreaturer som holdes på pladset, og til at faa disse gjædede sammen med husbondens, med at han deltager i gjædingen en uge aarlig for hver ko han har i beidet. b. Torvskur, en dags skur aarlig af eintorv samt nødvendig torv efter behov i husbondens mark, og ligeledes lyngslaatt efter behov, og til afbenyttelse af gangveien fra plad-

sets huse til Lodetjørnet. For sperring af den omhanlede vei bør Gabriel Mikal Lode bøde 2 spesidaler til Aadne Pedersen, hvørhos han til hovedcitanten bør udrede prosesens omkostninger med 50 spd. Men forøvrigt for dennes tiltale under nærværende sag fri at være. Den idømte mulgt så vel som prosesens omkostninger udredes inden 15 dage efter denne doms forkyndelse, under tvang og adfærd efter loven.”

49. **Andreas Andreasson** var son til Sara Oldstr. Bekkeheien og Andreas Husebø som var enkjemann og arbeidde ved telegrafan på Vig. Han var fødd på Høyland 23-7 1809 (sjå Høyland 38. 2.), død 3-10 1886, gift 1) 15-12 1833 med Anna Simonsdr., f. i Time 1807, d. 11-3 1867, dotter til Simon Simonson Søre Auglend i Time og kona Marta Hansdr. frå Risa (sjå Risa 46. 14.). Marta Hansdr. døde på Lode 22-12 1855. Andreas byksla eit markastykke, Lodebråtet, av Knut Osmundson, Lars Tolleivson og Bendiks Mathiasson i 1841, som han skulle bruka så lenge han levde. Han hadde før butt ei tid på Holen under Bjorland. Den 17-8 1871 vart han gift 2) med Helga Eivindsdr. Høyland (Høyland 69. 8.). Han hadde 6 barn i første gifte:

1. Sara, f. 13-12 1834, gift 8-11 1855 med Andreas Kristianson Høyland (Høyl. 114.). Ho døde på Grøtheim 25-4 1870.
2. Simon Lode, f. 5-1 1836 (65.).
3. Berta Maria, f. 3-8 1838.
4. Rakel, f. 22-12 1839, gift 11-4 1867 med enkjemann Rasmus Rasmusson Bø (Bø 87.).
5. Martin, f. 9-10 1843 (sjå Bø 115.).
6. Anna Andrea, f. 20-10 1850 (gift med Jakob Gunnarson Stavnheim?, 39. 3.).

50. **Bendiks Mathiasson** var son til Mathias Mathiasson Sandgås under Sele i Klepp og kona Berta Bertelsdr. Hodne. Han var f. 11-8 1811, d. 7-4 1893, gift 4-4 1839 med Karen Eriksdr., f. i Klepp 2-4 1809, d. 19-1 1879, dotter til Erik Hansson Bryne og kona Siri Andersdr. Engelsvåg. Bendiks kjøpte 9 sp. i Lode av Lars Tolleivson med skjøte frå Ola Mossige i 1835 for 100 spd. Han flutte nok ikkje til Lode før i 1840, då han tok over etter Tolleiv Henrikson Hårr. Dei fekk 6 barn:

1. Martin Lode, f. 25-8 1839 (59.).
2. Erik Opstad, f. 28-3 1841 (Opstad 79.).
3. Kristian, f. 15-3 1843, død på Sandnes 10-11 1930, gift m. Berta Maria Larsdr. Vigre, f. 13-10 1848, d. 28-9 1936. Han var kjørar på Sandnes (Vigre 43. 7.).

4. Bertel Skjærpe, fødd 18-3 1845 (sjå Skjærpe 34.).
5. Serina, f. 31-12 1847, gift 23-4 1892 med enkjemann Ola Olson Haugland i Time.
6. Bendiks Gimra, f. 10-6 1851, gift med enkja Birgitte Svensdr. Gimra, fødd Sandgås under Sele i Klepp 25-10 1848. Budde på Gimra i Håland.

51. **Peder Knutson**, son til 42., fødd 18-9 1825, d. 13-5 1852, ugift. I 1845 kjøpte han 8 sp. i Lode av Tarald Antoniusson Kvalbein som var gift med Berte Pedersdr. Obrestad, for 140 spd. Då han var død gjekk dei 8 sp. tilbake til faren, og Gabriel Mikal Pederson tok over heile garden, 12 sp. i 1853.

52. **Gabriel Mikal Pederson**, son til 43., f. 19-9 1829, d. 14-8 1904, gift 23-6 1853 med Berta Maria Knutsdr. Lode (42. 1.), f. 4-2 1827, d. 21-1 1907. Gabriel Mikal kjøpte dei 12 sp. av Knut Osmundson i 1853 for 250 spd. + følge. Kring 1879 må der ha vore eit omskifte her, for frå den tid står broren Peder Pederson som eigar av denne parten, og Mikal er ikkje nemnd seinare utan som følgemann hjå sonen Peder Elias i 1900. Eg har likevel ikkje set noko dokument som gjer dette omskiftet klårt. Men frå 1879 til 1890 skifter denne parten brukarar fleire gonger. Frå 1881 er det delt i 2 bruk, bnr. 6 og 7, som har ei skuld på 1 mark 44 øre kvar. — Gabriel Mikal og Berta Maria Lode hadde 5 barn:

1. Karen Elisa Lode, f. 23-5 1854, gift med Sven Erikson (64.).
2. Peder Elias, f. 1-6 1856, d. (1860?).
3. Pauline Kristine, f. 10-4 1859, gift i Brooklyn m. Enevald Haabet frå Høyland.
4. Peder Elias Lode, f. 12-12 1861 (71.).
5. Garman Mikalson, f. 17-3 1868. Reist til Amerika.

53. **Tønnes Toreson Nærland** (sjå Reime 30. 2.), var fødd 20-9 1801. Gift 1) i Klepp 13-5 1869 med Tobia Ellingsdr. Friestad, fødd i Klepp 27-1 1823, dotter til 46. — Gift 2) med Karen (Elisabet?) Abrahamsdotter Salte, fødd i Klepp 26-7 1846. — Tønnes kjøpte 9 spand i Lode av Lars Tolleivson i 1850 for 400 dalar. I 1853 selde han til Lars Olson. Sidan budde han visst på Sandnes.

54. **Lars Olson Høyland** (sjå Bø 97.) fekk skjøte frå Tønnes Toreson på 9 spand i 1853 for 500 dalar. Det kan sjå ut som

Lars hadde hatt denne parten alt i 1851, for då står det i Panteboka at Lars Olson Lode lånte 440 dalar av Tønnes Ommundson Klepp, og at Tønnes Omundson så kjøpte Lars Olson sin part for 400 dalar. Men korleis dette heng saman veit eg ikkje. Lars kom som sagt frå Bø i 1853. I 1857 selde han eit stykke eng til Jon Torkelson Kvia, y2 spand, som sidan går att på Kvia under lnr. 79a, Gunnar Tolleivson, i 1875. Tønnes Jonson i 1886 og lnr. 79c. Tønnes Jonson i 1875, Røderullen i 1886. Dette må vera noko som har høyrte til den såkalla "Lode-Ronga". I 1870 selde Lars Olson bnr. 2 til Tønnes Sivertson Gudmestad og tok følge hjå han. Han døde på Lode 2-4 1877, og kona, Anna Rasmusdtr. døde 18-12 1869. Lars Olson og Anna Rasmusdtr. hadde 6 barn:

1. Marta Maria, f. i Klepp 9-9 1834, gift med Peder Pederson Opstad (Opstad 60. 5.).
2. Ola, f. i Høyland 1836, gift 28-9 1873 med Anna Kirstina Gunnarsdtr. Leikvoll i Randaberg.
3. Rasmus, f. i Høyland 1839, gift med Karen Gunnarsdtr. Leikvoll.
4. Anna Maria, f. i Klepp 22-6 1841.
5. Anna, f. 2-5 1844, d. 26-4 1879, ugift. Ho hadde 4 barn u. e.
6. Lars, f. 25-4 1847.

55. Sven Svenson (Sven Adlesta) var son til Sven Olson Skretting og Barbro Olsdtr. (sjå Reime 30.). Han var fødd på Røysaland under Voll i Varhaug 5-3 1828, død 11-1 1906, gift 1-4 1852 med Berta Hansdtr. Næsheim, fødd 21-11 1821 (sjå Næsheim 75. 6.). Sven kom til Lode som husmann under bnr. 1 og 2, på plassen Haugarhaug, det seinare bnr. 3. Han døde som fattiglem ved Lodetjødna, bnr. 10. 5 barn:

1. Severine, fødd på Næsheim 19-2 1852, gift 1) med Bernhard Furuholm, gift 2) med enkjemann Ola Pederson Malmeim på Følkvor.
2. Berta, f. på Djøseland i Varhaug 20-10 1854.
3. Søren Bertinius, f. 7-5 1858 (sjå Rimestad 67., Høyland 162. og Lode 68.).
4. Helmik Svenson Lode, fødd 19-9 1860 (70.)
5. Sven, f. 12-11 1864, skomakar. Reist til Amerika.

56. Gabriel Pederson, son til 43., f. 12-1 1834, d. 19-1 1876, gift 21-3 1861 med Inger Tolleivdtr. Høyland, f. 15-3 1840, d. 20-4 1922 (Høyland 82.). Gabriel kjøpte 18 sp., bnr. 4, av faren i 1852 for 500 spd.

1 1857 fekk broren Erik halve bruket. Gabriel fekk 3 barn:

1. Theodor Ingvald, f. 19-7 1865, d. 11-5 1868.
2. Peder Elias, f. 12-12 1861, d. 17-4 1934, ugift.
3. Ingeborg Tomine, f. 7-10 1870, gift 9-5 1893 m. Nils P. Rimestad (Rimest. 64.).

57. Erik Pederson, bror til Gabriel, f. 3-11 1827, d. 20-11 1897, gift 5-6 1856 med Olina Toresdtr. Sunde, f. i Håland 1827, d. 9-3 1899. Erik kjøpte halve bruket av broren Gabriel i 1858 for 1200. — Erik brukte dei 9 sp. i 1857, men det kan godt vera at det var seinare han selde. Eg har ikkje set noko kjøpekontrakt. Men under 11-7 1878 er dette skjøte, Kjøpekontrakt del: 22-4-1858, innført i panteboka: — "Martin Torgersen, som gift med Inger Tollefsdatter, enke efter Gabriel Pedersen Lode, og underskrevne værge, Peder O. Skjærpe, for Gabriel Pedersens efterladte umyndige barn, Peder Elias og Ingeborg Tomine, erklærer hermed at fornævnte Gabriel Pedersen, som har skjøde paa en anpart lnr. 85b. af skyld 1 dal. 2 ort 5 skill, af Lode, i sin tid solgte denne gaardspart uden huse til Erik Pedersen for 1200 kroner. Da denne kjøbesum er afgjort, meddeler vi hermed Erik Pedersen skjøde på denne eiendom. Martin Torgersen. Peder Olsen Skjærpe." Erik Pederson og Olina Toresdtr. fekk 6 barn:

1. Berta Serina, f. 11-1 1857, død s. å.
2. Berta Severine, f. 20-10 1858, d. 19-9 1939, sinnsjuk.
3. Inger Taletta, f. 8-2 1861, d. 6-4 1931, sinnsjuk.
4. Palle Ingvald, f. 28-1 1863, d. 29-1 1864.
5. Palle Ingvald, f. 22-11 1865 (77.).
6. Endrine Oline, f. 7-12 1870, d. 23-12 1958, ugift, — på Nærbø gamleheim (Heimtun).

58. Erik Pederson Mauland var son til Peder Jonson Mauland i Time frå Bekkeheien (sjå Høyland 76.). Han var f. på Salte 13-9 1826, d. på Lode 17-8 1908, gift 10-3 1859 med Karen Olina Knutsdotter Lode (42. 5.), f. 21-10 1832, d. 30-6 1917. Erik var husmann på Lodeheio under bnr. 2. — Dei fekk 12 barn:

1. Karl, f. 20-4 1859, gift i USA med Gurine Torkelsdtr. Fosse.
2. Grete, f. 23-9 1860, d. 9-6 1861.
3. Peter, f. 4-8 1862, d. 16-3 1902, sinnsjuk.
3. Berta, f. 27-9 1891.
4. Seline, f. 9-7 1893.

4. Ingeborg Kirstine, f. 11-9 1863.
5. Elen, f. 1864, d. 30-3 1956, gift med Ingemund Rasmusson Heigrestad. — Budde på Ålgård.
6. Karen, f. 12-2 1865, gift i USA med Jakob Ljosland frå Åseral. Ei dotter: Jenny, gift med Torger Gudmestad (Njærheim 147.).
7. Johan, f. 2-5 1865, d. 18-5 1867.
8. Johan, f. 10-2 1868. Reist til Amerika, død ugift.
9. Erik, f. 22-2 1870, d. 3-6 1872.
10. Kirsten, f. 29-4 1875, gift 27-2 1893 med Sivert Kristian Ellertson Hedlaren under Sirevåg i Ognå.
11. Enevald Erikson Lode, f. 9-2 1873 (79.).
12. Peder Erikson Lode, f. 3-12 1876 (80.).

59. Martin Bendikson, son til 50., f. på Sele 25-8 1839, d. 20-5 1908, gift 16-4 1868 med Karen Olina Olsdtr. Haugland, f. i Varhaug 13-12 1836, død 13-6 1919 (sjå Haugland, Varhaug 22. 3.). Han tok over bnr. 1 etter faren i 1870. Barn:

1. Bertinius M. Lode, f. 9-1 1869 (nr. 74.).
2. Ole Lode, f. 1-3 1872, gift med Serina Tobiasdtr. Stokkeland, f. i Ognå 1890. Handelsmann på Brusand.
3. Kristian Lode, f. 28-8 1874, gift 26-2 1897 med Marta Malena Gudmestad, f. 16-6 1876 (Gudmestad 36. 11). (Sjå Nærbø 50.)
4. Serina Lode, fødd 2-5 1878, gift med meierist Ingvald Ims.
5. Kaja Maria Lode, f. 10-7 1881, d. 22-4 1888.

60. Peder Pederson Lode, son til 43., f. 1-2 1842, gift 4-12 1873 med Anna Tolline Tønnesdtr. Lode (sjå Gudmestad 33.), f. 25-1 1851. Peder står som eigar av bnr. 6 og 7 i 1879, som han hadde teke over etter broren Gabriel Mikal. I 1880 kjøpte Omund Omundson Rimestad bnr. 7 av Peder Pederson, og i 1885 kjøpte Jonas Erikson Reiestad det for 2000 kroner. — Men Peder står framleis som eigar av både bnr. 6 og 7 i 1886. Etter 1886 reiste han til Amerika med heile huslyden. Dei hadde 6 barn fødde på Lode og 2 i Amerika:

1. Anna Selina, f. 10-4 1874, d. 10-5 1875.
2. Elias Pederson, f. 1876, gift i Amerika med Herriet Plante. Ikkje barn.
3. Anna Selina, f. 14-10 1878, gift 1899 med Orville Gilmore. Budde i Alberta, Canada.
4. Tønnes Lode (Tom), f. 8-4 1881, gift med enkja etter broren Peder, Winnifred Rees Peterson.

5. Peder Lode, f. 29-6 1883, d. 1919 av spanskesjuka, gift m. Winnifred Rees.
6. Alma Theoline Lode, f. 20-3 1886, d. 1965, gift med Arthur Harley Hestvedt, f. 1882 i Minnesota, d. 1964 i Portland, Oregon.
7. Elisabeth, f. i Amerika 26-3 1889, gift med Alex Babtist.
8. Ida, f. i Amerika i 1894, gift med William Mc Cormick.

61. Tønnes Sivertson Gudmestad — (sjå Gudmestad 33.) kjøpte Lnr. 79 (bnr. 2) av Lars Olson i 1870 for 480 spd. I 1881 selde han plasset Haugarhaug, bnr. 3, til Søren Svenson. I 1880 hadde Simon Andreasson bnr. 11, Lodevollen, av denne parten. Om Tønnes Sivertson sine barn sjå Gudmestad 33.

62. Martin Torgerson Næse var son til Torger Torgerson Rævhaug under Næse i Klepp og kona Anna Kirstina Eriksdtr. Bryne. Han var f. 18-5 1850, d. 6-3 1926, gift 21-2 1878 med enkja etter Gabriel Pederson (56.), Inger Tolleivsdotter. Han tok over bnr. 4 med kona. I 1887 selde han bruket til broren Tolleiv og tok etter Kverneteigen, bnr. 14. Sidan dreiv han mest som myllar og mol til mest heile bygda. Ein fekk sjeldan så fint mjøl andre stader som på Lode. — Martin og Inger fekk 2 søner:

1. Gabriel Lode, f. 10-10 1878 (83.).
2. Ingvald Lode, f. 1-2 1881, d. 5-1 1958, gift 18-8 1906 med Oline Dalane, f. 17-1 1886 (Bø 115. 8.). — Ingvald var målar og budde på Ganddal.

63. Jonas Erikson Reiestad, son til Erik Enokson Reiestad i Varhaug og kona Serina Svensdtr. (sjå Reiestad 33. 10.), f. 26-9 1852, gift 30-3 1882 med Hanna Tomine Gabrielsdtr. Vigre, f. 21-8 1860, d. 8-10 1885 (Vigre 55. 1.). Han kjøpte bnr. 7 av Peder Pederson i 1885 for 2000 kroner. I 1887 selde han Sletten, bnr. 9 til Sven Erikson, og bnr. 7 til Helmik Svenson. Seinare budde han på Reiestad. — 1 son f. på Lode:

Erik, f. 21-1 1883.

64. Sven Erikson var son til Erik Pederson Næsheim og kona Maria Svensdtr. (sjå Næsheim 97. 5.), f. 15-3 1850, d. 16-3 1935, gift 27-11 1873 med Karen Elisa Mikalsdtr. Lode (52. 1.), f. 23-5 1854, d. 24-8 1930. Sven kjøpte Sletten, bnr. 9, av Jonas Erikson i 1887. Truleg hadde han butt der ei tid som husmann. Dei fekk 14 barn:

1. Peder Enevald Svenson Lode, f. 27-11 1875 (78.).
 2. Garman Lode, f. 6-6 1877 (81.).
 3. Martin, f. 23-8 1878.
 4. Bertinius Svenson, f. 8-9 1881. Han var mange år i Amerika. Har seinare butt på Nærbø st. og sist hjå systera Seline på Lode.
 5. Sven Lode, f. 21-9 1883 (82.).
 6. Karl, f. 23-5 1885, gift 13-11 1909 med Ingeborg Berte Olsdtr. Lerbrek. Bur på Lerbrek i Varhaug (48.).
 7. Martin Svenson Lode, f. 29-9 1887 (84.).
 8. Elias Lode, f. 4-9 1889, d. 4-8 1932, gift 27-8 1916 med Karen Elisabet Nilsdtr. Lode (72. 3.). Han var bygningssmann.
 9. Oskar, f. 30-3 1891, d. 13-5 s. å.
 10. Karen Elisa, f. 21-3 1892, d. 16-1 1968, gift med Nikolai Nilsson Rosland. — Budde på Ganddal.
 11. Seline Lode, f. 21-4 1894, gift 1965 med Kajus Sirevåg (Motland 41.). — Bur på Lode.
 12. Oskar Lode, f. 29-9 1896, d. 1933. — Budde på Lode, ugift.
 13. Paul Gerhard, f. 21-2 1898.
 14. Georg, f. 25-5 1900, d. 28-10 s. å.
65. **Simon Andreasson**, son til 49., f. 5-1 1836, d. 3-3 1930, gift 14-10 1875 med Anna Tønnesdtr. Gudmestad (Lode 61.), f. 10-1 1847, d. 12-7 1922. Simon kjøpte Lodevollen av Tønnes Sivertson i 1880?, bnr. 11. Han fekk 5 barn:
1. Anna, f. 25-1 1877, gift med Tønnes Govertson (89.).
 2. Tønnes, f. 19-6 1878, d. 5-3 1880.
 3. Anna Andrea, f. 31-12 1880, d. 14-3 1887.
 4. Tønnes, f. 29-5 1883, d. 14-3 1887.
 5. Simon, f. 19-11 1886, d. 4-2 1900.
66. **Tore Isakson Auestad** var son til Isak Toreson Auestad i Varhaug og kona Taletta Svendsdtr. (sjå Anestad 90.). Han var f. 12-6 1836, d. 20-1 1891, gift med Malena Tønnesdtr. Gudmestad, f. 22-8 1845 (Gudmestad 33. 1, Lode 61.). Tore tok over bnr. 2 etter Tønnes Sivertson i 1886. Han hadde før butt nokre år på Anestad i Varhaug, og 10 av dei 11 barna var fødde der.
67. **Tollef Torgerson Næse**, bror til 62., f. på Rævhau under Næse i Klepp 25-3 1856, d. 3-8 1907, gift 25-2 1887 med Elen Maria Sørensdatter Sømme, fødd i Håland 1861, d. 22-12 1928, dotter til Søren Mikal Ellingson Sømme og kona Anna Maria Kristensdtr. — Tollef kjøpte bnr. 4 av broren Martin i 1887. Dei fekk 12 barn:
1. Torger, f. 20-2 1888, d. 13-11 1918.
 2. Søren Lode, f. 7-11 1889, d. 1-10 1960, gift med Inga Johannesdtr. Bærheim. Landbrukskandidat, seinare heradsagronom i Hetland. Budde på Hinna.
 3. Anna Kirstina, f. 9-7 1891, gift med Per Gabrielson Fotland. Gardstyrar på Hetland Kommunegård.
 4. Alida Maria, f. 6-3 1893, d. 20-11 1899.
 5. Elen Taletta, f. 21-11 1894, gift med Einar Steinnes, Klepp.
 6. Tollef, f. 27-8 1896, d. 18-11 s. å.
 7. Alida Marie, f. 13-7 1900, d. 3-1 1905.
 8. Tollef Lode, f. 25-10 1897, gift 15-7 1930 med Astrid Todneim, f. i Høyland 20-5 1905, — dotter til Gunnar Olai Govertson Todneim og kona Marta Maria Kristiansdtr. Malmeim. Tollef tok over bnr. 4 av mora i 1922".
 9. Tora, f. 9-2 1903, gift med Bjarne Østbø. Bur på Hinna.
 10. Karl, f. 27-9 1901.
 11. Arne, f. 17-2 1904, d. 17-5 1960, gift med Andrea Lode, f. 8-4 1909. Budde på Lodevollen, bnr. 11.
 12. Magnus, f. 22-1 1907, gift med Klara Skjæveland, f. Oddsens 1-7 1906. Bur på Ganddal.
68. **Søren Bertinius Svenson**, son til 55., kjøpte plassen Haugarhaug, bnr. 3, av Tønnes Sivertson i 1881 for 160 kroner. Han kjøpte og bruksretten til plassen, husa og 3 kreatur og innbu og lausøyra av faren i 1886 for 360 kroner. Kring 1880 selde han Haugarhaug til Tore Kristianson og flutte til Høyland. Seinare kom han til Rimestad (sjå Høyland 162.).
69. **Tore Kristianson Tjensvoll** (sjå Søyland 34.), kjøpte Haugarhaug av Søren Svenson kring 1888. — Då han var død brukte sonen Tobias plassen, — seinare saman med Jon. I 1950 kjøpte Karsten Vigre plassen av Tobias Toreson Lode.
70. **Helmik Svenson**, bror til 68., f. 19-6 1860, gift 1-4 1887 med Berta Gunnarsdtr. Njølstad, f. 9-5 1859 (Njølstad 15. 2.). — Helmik kjøpte bnr. 7 av Jonas Erikson Reiestad i 1887 for 1500 kroner. Dette bruket hadde ei skuld av 4 ort 10 skill., ny skuld 1 mark 44 øre. I 1893 tok Peder Elias Mikalson over denne parten, og Helmik reiste til Amerika. — 4 barn var fødde på Lode:
1. Gunder, f. 6-3 1888.
 2. Rakel Johanna, f. 2-2 1890.

71. **Peder Elias Gabrielson Mikalson**, son til 52, f. 12-12 1861, d. 19-6 1919, gift 1) 18-11 1880 med Johanna Olsdtr. Salte, f. 21-2 1854, d. 25-12 1882, gift 2) 8-5 1885 med Anne Bergitte Olsdtr. Salte, f. 22-5 1863, d. 18-9 1930. Dei var systre, og døtre til Ola Gitleson Salte og kona Berta Olsdtr., f. Lerbrek. Peder Mikalson kjøpte eit utmarkstykk, truleg av Jonas Erikson i 1887, Sletten av skuld 12 øre, bnr. 8. Sidan, kring 1890, kjøpte han bnr. 6, av Jonas Erikson, eller var det av Omund Rimestad?, og seinare kjøpte han bnr. 7 av Helmik Svenson. Han fekk ei dotter i første gifte og 9 barn i andre:

1. Berta Amalia, f. 21-11 1881. Reist til Amerika.
2. Johanna, f. 12-2 1888, gift 7-2 1914 med Rasmus Hole, Klepp.
3. Olga Beathe, f. 19-2 1890, d. 19-9 1905.
4. Maria, f. 8-12 1891, gift 22-4 1917 med Jon Karlson Sele.
5. Anna Bertine, f. 8-11 1893, gift med Vinsent Vinsenten Byberg.
7. Peder P. Lode, f. 5-5 1895, gift 1) 10-3 1918 med Elen Maria Skadberg, f. i Eigersund 1898, d. 21-6 1931, gift 2) med Gurina Gabrielsdtr. Haugstad, f. 29-9 1900. Tok over bnr. 6 og 7 i 1919 (Haugstad 56. 8.).
7. Edvard Lode, f. 5-5 1897, d. 2-7 1966, gift med Borgny Sørensdtr.? Busett i Klepp.
8. Olaf Lode, f. 24-8 1899, gift med Tora Skas. Bur på Sveinsvoll.
9. Margit, f. 1-1 1902, gift 19-7 1924 m. Reinert Sele, Klepp.
10. Garman, f. 24-4 1905, d. 29-11 s. å.

72. **Nils Mortenson** var son til Morten Nilsson Fuglestad i Oгна og Malena Tønnesdtr. (sjå Bø 121. 2.). Han var f. i Oгна 11-10 1859, d. 18-11 1934, gift 9-4 1896 med Hanna Gunnarsdtr. Kverme, f. i Oгна 1861, dotter til Gunnar Børildson Kverme og Karen Elisabet Salvesdtr. — Nils kjøpte bnr. 2 av Tore Isakson eller enkja hans kring 1890. Dei fekk 8 barn:

1. Martin, f. 1887, d. 1-11 1901.
2. Gabriel, f. 1888, d. 19-11 1915.
3. Karen Elisabet, f. 24-4 1893, gift 27-8 1916 med Elias Svenson Lode (64. 8.).
4. Nils Herman, f. 9-1 1896, d. 28-6 s. å.
5. Hanna, f. 1888, d. 19-11 1915.
6. Nils Herman Lode, f. 4-8 1899, gift 1937 med Klara Gabrielsdtr. Haugstad, f. i Varhaug 23-12 1903. Nils tok over bruket etter faren (Haugstad 56. 9.).
7. Malena, f. 7-11 1900, d. 29-9 1906.
8. Hanna Martine, f. 31-3 1904, d. 25-4 1910.

73. Tønnes Toreson Tjåland var son til Tore Jonson Tjåland i Time frå Røysland og kona Marta Kristina Jonsdtr. frå Moi i Bjerkreim. Han var f. i Time 3-4 1845, d. 21-10 1901, gift 1-7 1879 med Valborg Maria Svensdtr., f. i Bjerkreim 1856, d. 7-1 1920, dotter til Sven Pederson Odland i Bjerkreim. Tønnes var skomakar. — Han kom til Lode i 1890 og byksla eller kjøpte bnr. 8, Sletten, av Peder Mikalson. Dei hadde 6 barn:

1. Mathilde Theresia, f. på Tjåland 16-6 1880, gift 30-5 1902 med Enevald Erikson Lode (79.).
2. Sven Tønnesson Lode, fødd 20-3 1883 (85.).
3. Tollef Tønnesson, — fødd på Tjåland (1888?), død i Amerika.
4. Berner Lode, f. på Lode 19-3 1891, d. 22-6 1917, gift 1914 med Gurine Olsdtr. Ulshagen, f. på Salte 27-1 1890. Budde på Nærbø st. og hadde 2 barn: — 1. Trygve Lode, f. 16-12 1914, gift 1937 med Bodil Kristine Voll, Varhaug, f. 24-12 1918. Bur på Lode. 2. Bernhard Gunnerius Lode, f. 9-10 1917.
5. Mine Theodora Lode, f. 20-5 1894 d. 14-6 1952, ugift.
6. Lotte Lode, f. 20-9 1898, gift 1931 med Elias Kastrup Reime (sjå Ødemotland 18. 7.).

74. Bertinius M. Lode, son til 59., f. 9-1 1869, d. 22-9 1952, ugift. Etter ein tur i Amerika tok han over farsgarden, bnr. 1, i 1908. — I 1931 selde han til Martin Svenson Lode og budde sidan på (Nærbø stasjon 70. 4.).

75. Rasmus Rasmusson Rugland — (sjå Rugland, Varhaug 32. 6.). Fødd 25-7 1869, gift med Sofia Knutsdotter Holen, fødd i Time 13-3 1864. Han var dykkar. Dreiv seinare Stavanger Skipsopphugning saman med broren Tobias Rugland. Han kjøpte eit utmarkstykk av Peder Mikalson, bnr. 18. — 1 barn fødd på Lode: Elfrida Rugland, f. 29-10 1898.

76. Sven Tønnesson Bø (Næsheim) (sjå Bø 90. 4.). Fødd 31-10 1852, død 18-1 1917. Gift 1) (1885?) med Karen Malena Karlsdotter Egholm, fødd i Gyland 1847, død på Næsheim 12-5 1889, dotter til Karl Andreas Jonson, Røiseland i Kvinesdal. Han kjøpte bnr. 18 av Rasmus Rugland. Ein son:

Tønnes Svenson Næsheim, fødd 14-12 1885. Busett i Montana. Sven gift 2) 15-12 1902 med Elisabet Ingebretsdtr. (Kvia 36. 6.).

77. Palle Ingvald Erikson, son til 57., f. 22-11 1865, d. 7-7 1901, ugift. Han tok over bnr. 5 etter faren i 1892. Sidan hadde Tønnes Tønnesson og Johan Arnt Toreson denne parten ei tid kvar, seinare kjøpte Sven Svenson (82.) det.

78. Peder Enevald Svenson, son til 64., f. 27-11 1875, d. 13-2 1957, gift 1) 1900 med Olette Maria Njærheim, f. 17-11 1872, d. 3-4 1912 (Njærheim 131. 2.), gift 2) 10-11 1912 med Marta Karine Knutsdtr. Drifte-land, f. i Hjelmeland 1877, d. 27-2 1931, gift 3) 22-6 1936 med Elen Karoline Larsdtr. Stokkedal, f. i Rennesøy 19-12 1888. Han budde på Lodeheio, bnr. 12. 3 barn i første gifte:

1. Sven, f. 15-10 1900, gift 1) med ?, gift 2) med Gurina Håheimsnes frå Etne.
2. Rakel, f. 27-3 1904, gift med Kajus Sivertson Sirevåg.
3. Andreas Lode, f. 25-1 1907. Han brukar plassen.

79. Enevald Erikson, son til 58., fødd 9-2 1873, død 23-10 1923, gift 30-5 1902 med Mathilde Teresia Tjåland, f. 16-6 1880, dotter til 73. — Enevald var murar. Han løyste inn plassen som faren hadde brukt, bnr. 22, Fagarheim. — 6 barn:

1. Erling Lode, f. 18-6 1905, gift 4-9 1937 med Gurine Olsdtr. Høyland, Lode, f. 8-7 1917. Bur på Lode, Tjødnahagen bnr. 26.
2. Theoline Marie, f. 7-2 1908, gift 27-7 1938 med fengselsbetjent Nikolai Kjus, f. i Oslo 2-2 1902.
3. Olaf, f. 8-5 1911, gift 1943 med Magnhild Re, f. 7-12 1912. Han brukar heim-plassen på Lode sidan 1947.
4. Eskild Lode, f. 18-9 1913, gift 9-10 1940 med Marie Mossige, f. 27-7 1919. Sjøfør. Bur på Urheia, bnr. 31 Slettun.
5. Torgny Lode, f. 13-12 1915.
6. Magnhild, f. 19-2 1919.

80. Peder Erikson, bror til Enevald, fødd 3-12 1876, gift 23-9 1911 med Kirsten Høyland, f. 1890 (Høyland 52. 2.). Han kjøpte eit utmarkstykke av Peder Mikalson i 1912, bnr. 17-19. Ein adoptivson, Einar Lode, f. 12-2 1917, gift 1947 med Elisabet Bemhardsdtr. Håland (Håland 95. 8.), f. i Varhaug 26-11 1920. Dei brukar nå plassen.

81. Garman Lode, son til 64., f. 6-6 1877, d. 12-3 1938, gift 15-5 1915 med Ingeborg Ivarsdtr. Hegelstad Bjerkreim, f. 1884, d. 18-2 1968. — Garman var i ungdomen i Amerika. Seinare kom han heim og tok

over plassen Sletten, bnr. 9-15 etter faren. 6 barn:

1. Sven G. Lode, f. 14-2 1916. Han brukar Sletten frå 1948.
2. Karen Elisa, f. 30-11 1917, gift med Jostein Johannesson. Skoten av tyskarane i Trandumskogen.
3. Gudveig, f. 2-4 1920, gift med Jonas P. Sør-Reime.
4. Ingrid, f. 1-1 1922, gift med Tor Nærland, Søyland.
5. Inga Gurine, f. 20-10 1923.
6. Ivar Lode, f. 11-10 1926.

82. Sven Svenson Lode, bror til 81., f. 21-9 1883, d. 7-5 1965, gift 21-10 1906 med Serina Tønnesdtr. Søyland, f. 16-11 1882 (Søyland 43. 2.). Sven kjøpte bnr. 5. — Dei har 8 barn:

7. Eli, f. 3-7 1907, gift 1937 med Peder Martinson Salte, f. 15-12 1901. Bur på Salte i Klepp.
2. Inga, f. 30-12 1908, gift 1933 med Olav Tunheim, f. 4-9 1906 (sjå Gudmestad 54. 4.). Bur på Re i Time.
3. Svein Lode, f. 16-11 1910, gift 31-8 1935 med Elfrid Rimestad, fødd 11-10 1914 (Rimestad 69. 4.). — Bur på (Hårr i Varhaug 92.).
4. Tønnes Lode, f. 1-7 1912, gift 18-9 1937 med Jorun Skjærpe, fødd 15-9 1911 (Skjærpe 44. 4.). Handelsm. på Nærbø.
5. Anna, f. 16-8 1914, gift 17-9 1938 med Sven S. Risa (Risa 100. 2.).
6. Sigrud, fødd 30-6 1916, gift 1941 med Birger Frøytlog, f. 3-6 1916. Bonde i Sokndal.
7. Sigurd Lode, f. 30-5 1918, gift 3-6 1939 med Ellen Undheim, f. i Nærbø 23-11 1915. Bonde på Skjæret i Time.
8. Torkel Lode, f. 11-6 1920, gift 1947 med Karen Rustad Nærland, f. 30-10 1921 (Nærland 59. 2.). Han brukar farsgården på Lode.

83. Gabriel Martinson, son til 62., f. 10-10 1878, gift med Elisabet Voll, f. 1892, d. 19-12 1968, dotter til Ivar Ivarson Voll i Klepp frå Hole og kona Maria Olsdtr. frå Friestad. Gabriel tok over bruket, bnr. 13 og 14 og myllebruket, etter faren. Dei har 10 barn:

1. Martin Lode, f. 3-5 1910, gift med Ida Kortnes, Lier. Sjøfør i Stokke.
2. Ivar, f. 27-4 1912, gift 12-11 1938 med Nora Maria Gausland, f. 23-10 1910. Snikkar på Jernbanen. Bur på Nærbø.
3. Inger, f. 15-8 1914, gift 5-4 1941 med Lars Larsson (Reiestad 48. 6.).
4. Magne Ingolf, f. 3-4 1917, gift 5-10 1946 med Margreta Øglænd, f. Bryne

- 25-3 1921. Bilmekaniker og mylleeigar på Nærbø. Bur på Urheia.
5. Maria, f. 26-2 1919, gift 15-9 1945 med Lars Gausel, f. 25-2 1916. Bygningsmann på Gausel.
 6. Godtfred Lode, fødd 17-3 1921, mylleeigar (sjå 102.).
 7. Einar Lode, f. 22-9 1923, gift 1955 med Judith Munthe, f. i Hjelmeland.
 8. Torvald Lode, f. 12-4 1926. Han tok over bnr. 17 etter faren i 1949.
 9. Johannes Lode, f. 26-12 1927, gift 17-3 1951 med Bjørg Nærland, f. 29-9 1928 (Nærland 54 9.).
 10. Børge Lode, fødd 9-6 1930, gift med Ragnhild Svalheim, fødd i Sunnfjord.
84. Martin Svenson, bror til 82., f. 29-9 1887, d. 13-3 1960. Gift 25-2 1911 med Josefine Hegelstad, fødd i Bjerkreim 3-4 1887, dotter til Ivar og Gemalia Hegelstad, syster til Ingeborg som er gift med Martin sin bror Garman Lode. Martin kjøpte eit utmarkstykke, bnr. 16, som han seinare selde og kjøpte bnr. 1 av Bertinius Martinson i 1931. — Barn:
1. Sverre Lode, f. 17-12 1911, tok over bnr.
 2. Elfrid Lode, f. 10-10 1913, gift 28-8 1937 med Gunnar Kydland, f. i Gjesdal 4-4 1909.
 3. Ivar Lode, f. 11-6 1915, gift med Sigrid Kvia (Kvia 72. 8.). (Sjå Nærbø 197.).
 4. Gudrun Lode, f. 15-1 1918, ugift.
 5. Janna Lode, f. 23-6 1920, gift med Anfinn Grindheim, Bergen.
 6. Maria Lode, f. 6-1 1923.
 7. Odd Johan Lode, f. 11-4 1925, gift med Mildrid Halvardsdtr. Undheim.
 8. Guri Lode, f. 7-11 1927, gift med Asbjørn Høyland (sjå Høyland 179. 7.).
 9. Målfrid Lode, f. 8-3 1930.
85. Sven Tønnesson Lode (Tjåland), son til 73., fødd på Tjåland i Time 20-3 1883, gift 6-9 1919 med enkja etter broren Gurine Olsdotter Ulshagen. Han tok over bnr. 8 etter mora i 1918. Dei har 2 barn:
1. Marry Lode, f. 6-6 1920, gift 4-3 1950 m. Trygve Djøseland, sjåfør på Nærbø, f. 3-1 1907 (sjå Djøseland, Varhaug 56. 2.).
 2. Sverre Lode, fødd 23-6 1930, gift med Ingfrid Thu.
86. Theodor Bertinius Tollakson Sirevåg, son til Tollak Tollakson Oksemyr og kona Berta Karine Danielsdtr. Han var fødd i Oгна 30-4 1882, død 10-3 1919. Gift 3-10 1907 med Anna Søyland, f. 8-1 1886, d. 24-8 1967 (Søyland 43. 4.). Theodor kjøpte
- bnr. 18, Kirkebakken, av enkja etter Sven Tønnesson Næsheim (76.), i 1918. Seinare selde enkja, Anna Sirevåg, til Napoleon Njølstad. Dei hadde 4 barn:
1. Tønnes Sirevåg, f. 21-1 1909, gift 20-6 1935 med Else Søyland, f. 30-11 1911. Tønnes er filolog, lektor, ekspedisjons-sjef i Kyrkjedepartementet. — Er rektor ved Aars og Foss skule i Oslo.
 2. Borghild Sirevåg, f. 26-12 1910, gift 8-4 1935 med Laurits Brede Helmsgaard, f. i Ås i Østfold 20-10 1911. Kontorsjef på Bryne.
 3. Torleif Sirevåg, f. 29-3 1916, gift 1947 med Hjørdis Børresen, f. i Stavanger 27-4 1913.
 4. Sigrid Sirevåg, f. 23-11 1917, gift 1-11 1947 med Severin Nesvik, f. 2-11 1896. Handelsmann i Stavanger.
87. Peder Pederson Lode, son til 71., fødd 5-5 1895, gift 1) 10-3 1918 med Elen Maria Skadberg, fødd i Eigersund 1898, død 21-6 1931, gift 2) med Gurina Gabrielsdotter Haugstad, f. i Varhaug 29-9 1900 (Haugstad, Varhaug 56. 8.). Han tok over bnr. 6 og 7 etter faren i 1919. 3 barn i første gifte og 1 i andre:
1. Peder Pederson Lode, f. 29-8 1918, gift 15-5 1948 m. Berta Tunheim, f. i Time.
 2. Karsten Lode, f. 5-6 1920, gift med Berta P. Hadland, Hognestad.
 3. Bjarne P. Lode, f. 2-6 1923, gift 22-10 1949 med Hedvig H. Udem, f. i Time.
 4. Elen Maria Lode, f. 24-8 1934, gift med Tor Oskarson Erga.
88. Tollef T. Lode, son til 67., fødd 25-10 1897, d. 23-5 1965. Gift 15-7 1930 med Astrid Todneim, fødd i Høyland 20-5 1905. Tollef tok over bnr. 4 av mora i 1922. —
- Ἐπι βίῃ 4 ἡμέρῃ
1. Else Maria Lode, f. 13-3 1936, gift 21-7 1956 med Arnfinn Olavson Edland.
 2. Gunnar Olai Lode, f. 10-6 1938, gift 28-11 1959 med Gerd Jakobsen, fødd i Klepp, dotter til Torvald Jakobson.
 3. Torstein Lode, f. 13-12 1939, gift med Annbjørg Rosland, Klepp.
 4. Kristian Lode, f. 17-3 1945.
89. Tønnes Govertson Lode, son til Govert Tønnesson og Elen Johannesdotter Lode (sjå Gudmestad 33. 8.), f. i Kristiansand 1886, d. 18-2 1962. Gift 8-2 1919 med Anna Simonsdtr. Lode, f. 25-1 1877 (65. 1.). — Tønnes tok over bnr. 11 etter verfare i 1919. Dei hadde ikkje barn. — Anna si dotter:
- Andrea T. Lode, f. 8-4 1909, gift med Arne T. Lode (67. 11.), f. 17-2 1904, d.

17-5 1960. Dei tok over bruket i 1949.
Barn: 1. Turid Lode, f. 25-11 1944. 2.
Tor Lode, f. 13-6 1946.

90. Ole Lauritsson Høyland (sjå Høyland 134 11.), fødd 18-1 1889, d. 21-9 1964. Gift 18-12 1910 med Karen Margreta Haugstad, fødd i Varhaug 12-9 1875, død 1-11 1918 (Haugsta[^]. 48. 4.). Han har butt si meste tid på Lodetjern-stykket, bnr. 10. Barn:

1. Kristine Høyland, f. 28-8 1912, gift 9-1 1932 med Rudolf Rasmusson Skretting, Fjogstad, f. i Klepp 20-4 1904.
2. Laurits O. Høyland, f. 28-7 1914, gift 1943 med Inger Gurine Lura, f. 14-2 1912. (Son: Odd Helge, d. 8-11 1967, 16V2 år.)
3. Lars O. Høyland, f. 2-2 1916, gift 1947 med Berta Flåden, f. i Varhaug 9-2 1918. Bur på Lode.
4. Gurine Høyland, f. 8-7 1917, gift 4-9 1937 med Erling Lode (79. 1.). Bur på Lode (110.).
5. Margit Høyland, f. 12-9 1910, gift 2-8 1930 med Albret Nilsson Skretting, f. i Klepp 7-5 1903.

91. Omund (Omundson) Høyland — (sjå Høyland 152. 8.). Fødd 15-7 1900. Gift 14-5 1938 med Anna Magna Jakobsdotter Hetland, fødd i Ognå 25-11 1917, d. 17-1 1968. Bur på Lode. — Barn:

1. Målfrid Høyland, f. 4-10 1938.
2. Omund Høyland, f. 8-4 1941.
3. Anne Margreta.
4. Jakob Martin Høyland, f. 28-2 1945, gift med Eli Svåsand.
5. Alv Ove Høyland, f. 11-4 1953.

92. Napoleon Njølstad (Njølstad 14. 15.). Fødd 24-11 1883, død 13-6 1943. Gift med Ida Rasmusdotter Madland, f. i Gjesdal 1898, d. 5-10 1925. Han kjøpte Kirkebakken, av enkja Anna Sirevåg (86.). — Napoleon Njølstad var heradsagronom i Haa. Dei hadde ikkje barn, og Napoleon sin systerson, Alf G. Nærland har teke over bruket (seinare Asbjørn Nærland).

93. Ole Pederson Haugseng, son til Peder Olson Haugseng i Ognå og kona Johanna Jakobsdtr. Åsane. Han er fødd 22-8 1911. Gift 11-5 1935 med Gudrun Rasmusdtr. Refsnes, fødd 1-6 1917 (Refsnes 9. 7.). Han kjøpte eit stykke på Lode i 1950. Er fiskar. Dei har 4 barn:

1. Rasin Haugseng, f. 21-7 1935.
2. Kjellaug Haugseng, f. 23-4 1937.
3. Georg Haugseng, f. 28-8 1945.
4. Ruth Haugseng, f. 14-5 1947.

94. Tønnes T. Kvia, son til slaktar Trygve T. Kvia og Sofia (sjå Skjærpe 52.). Foreldra hans kjøpte dette bruket, Opheim bnr. 16, av Martin Lode (84.) i 1931.

95. Torkel Svenson Lode, son til 82. Fødd 11-6 1920. Gift 1947 med Karen Rustad Nærland, f. 30-10 1921. Han tok over bnr. 5 av faren i 1950. — Barn:

1. Sveinung Lode, f. 25-3 1950.
2. Serina Lode, f. 1-10 1951.

96. Nils Nilsson Lode, son til 72. Fødd 4-8 1899. Gift 1937 med Klara Haugstad, f. i Varhaug (Haugstad 56. 9.). Han tok over bnr. 2 etter faren. Barn:

1. Hanna Nora Lode, f. 3-11 1940, gift 1960 med Bent Rune Jensen.
2. Kristine Lode, f. 14-9 1941.

97. Sven G. Lode, son til 81., fødd 14-2 1916. Tok over bnr. 9 og 15, Sletten, i 1948.

98. Laurits Høyland, son til 90., f. 28-7 1914. Gift 1943 med Inger Gurine Lura, f. 14-2 1912 på Sandnes, dotter til Harald og Grethe Lura. Laurits er murar. Han budde ei tid på plassen Lodetjernet, bnr. 10. — Barn:

1. Kåre Magne Høyland, f. 1944.
2. Liv Irene Høyland, f. 1946.
3. Gudveig Karin Høyland, f. 1948.
4. Odd Helge Høyland, f. 1951.

99. Otto Obrestad (Obrestad 39. 6.), fødd 16-4 1908. Han kjøpte bnr. 3 Haugarhaug, av brørne Jon og Tobias Toresøner i 1939.

100. Arne T. Lode, son til 67., f. 17-2 1904, d. 17-5 1960. Gift (1944?) med Andrea Lode, f. 8-4 1909 (89. 1.). Arne Lode tok over bnr. 11 i 1949 etter Tønnes Govertson. Lodevollen. — Barn:

1. Turid Lode, f. 25-12 1944.
2. Tor Lode, f. 13-6 1946.

101. Andreas E. Lode, son til 78., f. 25-1 1907. Han tok over bnr. 12, Lodeheien, i 1943 etter faren.

102. Godtfred Lode, son til 83., f. 17-3 1921, gift 19-6 1948 med Gerd Louise Gundersen, f. i Stavanger 24-5 1928. Han tok over myllebruket etter faren i 1945, bnr. 13. Ikkje barn. Han har bustadhus på Bjorland, bnr. 17, bygt i 1950.

103. Magne Ingolf Lode, — bror til 102., verkseigar (sjå Nærbo 168.). Han var ei

tid medeigar i myllebruket saman med Godtfred, — men skipa seinare firmaet Reime og Lode saman med Norvald Reime. I 1949 kjøpte han eit stykke på Urheia av Ivar Ueland.

104. **Torvald Lode**, bror til 102. og 103., f. 12-4 1926, gift med Olaug Undheim, f. i Time 25-6 1934, dotter til Sven Karlsson Undheim og kona Synnøve, f. Tysse 1895. Torvald tok over bnr. 13 etter faren i 1949. — Barn:

1. Geir.
2. Sjur.
3. Ellinor.
4. Geir Terje.

105. **Einar P. Lode**, adoptivson til nr. 80, fødd i Stavanger 12-2 1917, gift 1947 med Elisabet Håland, fødd i Varhaug 26-11 1920 (sjå Håland, Varhaug 95. 8.). Einar Lode tok over bnr. 17 og 19 etter faren. Barn:

1. Per Kjell Lode, f. 18-1 1948.
2. Bjørg Olene Lode, f. 10-8 1949.

106. **Alf G. Nærland** (Næsheim 113. 8.). Fødd 26-8 1912. Han tok over bnr. 18 etter morbroren Napoleon Njølstad (i 1943?). Forpaktar er **Odd Kvia** (Kvia 73. 4.), f. 4-10 1917. Gift med Anna Aniksdal, fødd i Varhaug 12-3 1920 (sjå Aniksdal, Varhaug 66. 8.). Barn:

1. Ola Kvia, f. 2-5 1951.
2. Per Kvia, f. 19-11 1952.

107. **Trygve Lode**, stykson til 85., f. 16-12 1914. Gift 1937 med Bodil Kristine Voll, fødd i Varhaug 24-12 1918 (sjå Hårr, Varhaug). Trygve Lode tok over Parkheien, bnr. 20, i 1946. — Barn:

1. Gerd Lode, f. 14-3 1938.
2. Bjørn Lode, f. 19-2 1941.

108. **Olaf E. Lode**, son til 79., f. 8-5 1911. Gift 25-9 1943 med Magnhild Re, f. 7-12 1912 (Bjorhaug 28. 1.). Olaf Lode tok over bnr. 22 etter mora, Fagerheim, i 1947. — Barn:

1. Margot Lode, f. 2-10 1944.
2. Berit Lode, f. 23-5 1947.

3. Eirik Lode, f. 26-1 1949.
4. Norvald Lode, f. 17-4 1953.

109. **Oskar og Seline Lode** (sjå 64. 12. og 11.) tok over ein part av faren sitt bruk, Midland bnr. 23, i 1927.

110. **Erling E. Lode**, bror til 108., f. 18-6 1905. Gift 4-9 1937 med Gurine Høyland, f. 8-7 1917 (90. 4.). Erling Lode tok over ein part av faren sitt bruk, Tjørnhagen bnr. 26, i 1938. Barn:

1. Else Marie Lode, f. 13-1 1938, gift med Rolf Høyland (Høyland 190.).
2. Målfrid Lode, f. 29-4 1940.
3. Oddvar Lode, f. 26-12 1943.
4. Arna Lode, f. 15-8 1947.
5. Einar Godtfred Lode, f. 2-11 1948.
6. Bjørg Lode, f. 1-12 1953.

111. **Karsten P. Lode**, son til 87., f. 5-6 1920. Gift (1945?) med Berta P. Hadland, fødd i Time 14-8 1922, dotter til Peder og Elen Maria Hadland i Time. Karsten Lode tok over ein part av faren sitt bruk, Ådnestykket bnr. 29, i 1950. Barn:

1. Ellen Lode, f. 12-11 1945, gift 1966 med Gunnar Harbo (Reime 68. 2.).
2. Solveig Lode, f. 19-5 1949.
3. Gunvor Lode, f. 30-3 1951.

112. **Karsten Vigre** (Vigre 61. 3.), f. 26-4 1909. Gift 2-7 1932 med Janna Gurine Fuglestad, fødd i Ogna 20-4 1907, dotter til Johannes og Maria Fuglestad. Karsten Vigre kjøpte bnr. 30 av Tobias Torson Lode i 1950. Barn:

Endre Vigre, f. 18-3 1935.

113. **Lars Høyland**, son til 90., fødd 2-2 1916. Gift 1947 med Berta Flåden, fødd i Varhaug 9-2 1918, dotter til Enevald og Berta Flåden Vigrestad, Varhaug. — Lars Høyland tok over ein part i Lode, Tjømheim bnr. 32, i 1950. — Barn:

1. Karen Høyland, f. 27-3 1947.
2. Egil Høyland, f. 6-10 1949.
3. Olav Høyland, f. 2-8 1951.

114. **Sverre M. Lode**, son til 84., fødd 17-12 1911. Han tok over bnr. 1 etter faren i 1960.

G.nr. 18. Ødemotland

Uttalast lokalt Auamottlann til skilnad frå grannegarden Store Motland. Til Ødemotland høyrer plassen Høneland. Om namnet Motland seier O. Rygh, at det truleg kjem av mor eller mos som tyder myrlende. Men eg tykkjer ikkje det høver so godt på lokalitetane korkje på Motland eller Ødemotland, sjølv om der finst små myrar både på den eine og den andre staden. Når det gjeld Høneland, så seier Rygh at det kjem av Hodna som tyder gjeit. Men han har ikkje noko om kva namnet Hanaberget kjem av. Hanaberget er ein høg langvoren ås som ligg millom Ødemotland og Høneland.

Ødemotland hadde ei korn landskuld på 18 spand i 1723. Heile garden var benefisert Bø prestebol så seint som 1850. På Ødemotland har Stavanger Museum grave ut mange eldre bustader, dei såkalla Klauhauane, som ligg tett ved Hanaberget på sørsida av Tjødno. Det finst og fleire gamle tufter på ymse stader rundt ikring Hanaberget som må vera frå ei tid langt tilbake. — Tett ved Høneland finst og fleire slike tufter, men dei er kanskje ikkje av så høg alder.

NAMNEREGISTER

1. Torbjørn
2. Tormod Halvardson
3. Eivind Håvardson
4. Jon Eivindson
5. Jon Ljødeson
6. Hans Klausson Anda
7. Karl Larsson Høneland
8. Ola Pederson Ødemotland
9. Gunnar Omundson Høneland
10. Peder Olson Ødemotland
11. Rasmus Larsson Høneland
12. Jens Rasmusson Høneland
13. Ola Pederson Ødemotland
14. Søren Mikal Kastrup Ødemotland
15. Rasmus Jensson Høneland

16. Peder Olson Ødemotland Høneland
17. Gabriel Ødemotland
18. Jonas Rasmusson Reime Høneland
19. Ola Sørenson Ødemotland
20. Lars S. Ødemotland
21. Søren Mikal S. Ødemotland
22. Johan Rasmusson Kvia
23. Gabriel Ødemotland
24. Lars L. Ødemotland
25. Olav Ødemotland
26. Rasmus Jonasson Reime
27. Jon Rasmusson Reime

Korkje i 1519 eller 1563 er der nemnd nokon brukar på Ødemotland. Den første me finn nemnd der er

1. **Torbjørn** som er nemnd i 1613 og 1617, og sidan som laugrettesmann i 1617. Det året måtte Eivind Lode bøta 16 dalar til kongen for han hadde gjeve Torbjørn Ødemotland eit knivstikk.

2. **Tormod Halvardson** budde på Ødemotland etter Torbjørn. Han bytte seinare jord med Eivind Håvardson på Hobberstad, der han er omskreven under nr. 23.

3. **Eivind Håvardson** trur me var son til Håvar Eivindson Sørnes i Håland som budde på Torland (sjå der 9. 3.). Det var nok han som heitte Eivind Lode og som stakk Torbjørn Ødemotland i 1617. Sidan må han ha kome til Hobberstad i Varhaug, for i 1630 stemnde presten Peder Nilsen på Haa — "een hans leilending, nemlig Even O:Moetland, med hans bøxelbreff, heller tagevidtner, eller och huad bescheen hand haffuer for sig, til samme grd. for lifsfeste hans tiid att nyde". Eivind sa at han var komen til denne gard, Ødemotland, som han hadde "bøttet sig fra goed kongens gaard, Hobberstad, med Tormoe som boede før ham

på O:Moetland, och leiet dend saa aff salig Herr Christen". — Men han hadde ikkje noko bøksehbrev eller vitner utan Tormod Hobberstad som hadde gjort jordebyste med han. Presten Peder Nilsen baud Eivind 4y2 vetter kom landskuld i Helvig mot dei 3 vett i Ødemotland. Men Eivind sa at jorda på Helvig var ikkje så god som den han hadde nå på Ødemotland. Eivind vart buande på Ødemotland. Me har meint at han var gift med dotter til lensmann Erik Torland, som i så fall måtte vore stykdotter til far hans, eller kanskje stykdotter til Eivind si styk-mor. Det er truleg at Eivind var gift 2) med dotter til Jon Omundson Bø (sjå Bø 9.). Men korkje det eine eller det andre er visst, sjøl om sumt talar for at det kan ha vore slik. Me kjenner 3 barn:

1. Gitle Eivindson, fødd kring 1613.
2. Jon Eivindson Ødemotland, fødd 1620 (nr. 4).
3. Erik Eivindson Djøseland, fødd 1630 (Djøseland, Varhaug 7.).

4. Jon Eivindson Ødemotland var fødd kring 1620 og døde i 1670, skifte etter han var halde 30-5 det året. Han var gift 1) med Margreta Kristensdr. Lind, dotter til presten på Haa Kristen Lauritzson Lind. Gift 2) med Maren Henriksdotter. Det er uvisst kven ho var si dotter, men ho var syster til Else Henriksdotter som var gift med Tore Gunnarson Hauge i Klepp. Det har vore halde fram, at dei kanskje var døtrar til borgarmeistar Henrik Hansson og systrar til Hans Henrikson Schurman på Tjora i Håland. Men det er vel lite sannsynleg, endå — kven veit, ei prestedotter eller ei borgarmeistardotter kunne vel vera ei så god som hi. Og ifall Jon sin far var frå Sørnes og mora dotter til lensmann Erik Torland, so har der visseleg flote "bedremanns" blod i årene hans, så korkje bydros eller prestemøy trong rukka på nasen åt honom. — Jon Eivindson brukte heile Ødemotland, 3 vett = 18 spand. Han hadde ein son i første gifte og 5 barn i andre:

1. Elias Jonson, var fostra hjå mormora på Haa. Han må ha døydt ung, for han er ikkje nemnd etter 1670.
2. Henrik Jonson Madland, f. 1665 (Madland, Varhaug 12.).
3. Maren Jonsdotter, skulle vore gift på Sele. Om det var så, måtte det vel vore m. Elling Ljødeson frå Håland i Nærbø, som var bror til stykfar hennar.
4. Karen Jonsdotter, gift med enkjemann Rasmus Ingebretson Gruda.
5. Margreta Jonsdr., gift med Ingebret

Rasmusson Djøseland, (sjå Djøseland, Varhaug 10.).

6. Eli Jonsdr., gift 1) med Sven Jakobson Bratland, gift 2) med Ola Ivarson Bratland (Bratland, Varh. 4. og 8.).

5. Jon Ljødeson Håland (sjå Store Håland 1. 7.). Han var fødd kring 1631 og levde i 1701. Gift kring 1670 med enkja etter Jon Eivindson, Maren Henriksdotter. Jon Ljødeson byksla Ødemotland av presten Peder Leganger i 1670 eller 1671. Han var laugrettesmann i 1672, og mest kvart år fram til 1689. Han hadde ikkje barn.

6. Hans Klausson Anda, var son til Klaus Anda i Klepp og kona Marit Hansdotter. Han var fødd kring 1677, død 1733, skifte etter han 12-2 det året. Skal tru om ikkje mor hans, Marit Hansdotter kunne vore brordotter til Maren Henriksdotter Ødemotland? Hans var gift med Eli Ingebretsdotter Djøseland, dotter til nr. 4. 5. Var det då som eg har tenkt, så skulle dei vore tremenningar. — Hans Klausson byksla Ødemotland etter Jon Ljødeson. Dei hadde 6 barn:

1. Klaus Hansson Bore, f. 1712, gift med Maren Gabrielsdr. Bore.
2. Rasmus Hansson Rimestad, fødd 1716 (Rimestad 21.).
3. Jon Hansson, f. 1723, tente på Klepp i 1748.
4. Ingebret Hansson Haugland, f. 1727, gift med Malena Ådnesdr. Haugland. Budde på Øvre Haugland i Time.
5. Hans Hansson, f. 1731.
6. Margreta Hansdr., f. 1718, gift med Elling Monsson Hadland (Nord-Halleland i Varhaug 9.).

6B. Torsten Høneland hadde ei dotter som heitte Helga, f. 1737. Ho tente på Nærland i 1758. Eg veit ikkje kven han var.

7. Karl Larsson Høneland var husmann på Høneland i 1758. Han var fødd kring 1680, og var truleg den Karl Larsson som er nemnd på Sør-Reime under 10B. 1. Mor hans heitte Berit Olsdr. og var enkje i 1701, og var då hjå Nils Omundson Sør-Reime. Karl tente på Mæland i Varhaug i 1701. Han var gift med Berit Johannesdotter, fødd kring 1698. Barn er ikkje nemnde.

8. Ola Pederson Ødemotland var son til Peder Olson Håland i Varhaug og kona Malena Pedersdotter (sjå der 14. 1.). Han var fødd kring 1712, død 1786, skifte etter

han 11-4 det året. Gift 1) med enkja etter Hans Klausson Ødemotland, — Eli Ingebretsdotter, — som døde kring 1750, gift 2) med Ingeborg Omundsdotter Skjærpe, fødd kring 1720, død 28-11 1807 (Skjærpe 15.). Ola Pederson byksla Ødemotland av presten Sigvard Munch frå 1733, etter Hans Klausson. Han hadde ikkje barn i første gifte, men 7 i andre:

1. Peder Olson Ødemotland, f. 1758 (10.).
2. Ola Olson Djøseland, f. 1768 (sjå Djøseland 29.).
3. Omund Olson Nord-Varhaug (Nord-Varhaug 28.).
4. Eli Olsdr., f. 1760, gift med enkjem. Helge Svenson Haugland. — Budde på Øvre Haugland i Time.
5. Lars Olson Djøseland, f. 1764, gift 27-1 1799 med Berta Svalesdr. Djøseland (Djøseland 24.).
6. Malena, f. 1761, gift med Hans Rasmusson (Næsheim 7., Nord-Varhaug 22. 7.).
7. Ola Djøseland, f. 1768 (Djøseland 29.).

9. Gunnar Omundson Høneland byksla husmannsplassen Høneland av Bendix Diurhus i 1762. Han kom då frå Holen under Bjorland, fødd kring 1734, gift med Maren Larsdr. og budde på Ytre Salte i 1758. Truleg var ho syster til Jens Larsen Salte. — Der er ikkje nemnde barn, men den 22-5 1783 var gift i Stavanger:

1. Omund Gunnarson Høneland, sjøm. og Marta Sørensdtr.
2. Lars Gunnarson Høneland budde og i Stavanger.

10. Peder Olson, son til 8., f. 1758, d. 20-3 1836, gift 4-3 1787 med Elisabet Olsdr. Herigstad, f. i Varhaug 1760, d. 20-6 1853, dotter til Ola Johannesson Herigstad i Varhaug og kona Anna Olsdr. (Herigstad 32. 1.). Begge foreldra hennar døde på Ødemotland, mora 16-12 1809 og faren 26-11 1821. Peder Olson byksla 18 sp. av Nils Grøver i 1784 etter faren. Dei hadde 7 barn:

1. Ingeborg, f. 1788, d. 16-4 1799.
2. Ola, f. 8-8 1790, d. 8-9 1792, drukna i ein brunn.
3. Ola Pederson Ødemotland, f. 29-7 1792 (13.).
4. Ola Pederson Skjærpe, fødd 1-11 1795 (sjå Skjærpe 24.).
5. Anna Malena, f. 22-3 1799, gift 1) med Erik Jakobson Tvihaug, gift 2) med Lars Knutson Tvihaug (Tvihaug i Varhaug 28.).
6. Ingeborg, f. 21-11 1802, d. 27-1 1885 på Ødemotland, — gift 2-4 1837 med Ole

Petter Gunnarson Bomsholm frå Øyestad. Han var skipstømmermann og budde i Stavanger. 2 barn er kjende:

1. Gabriel, f. 19-3 1837, gift i Stavanger 30-1 1861 med Rebekka Ingebretsdtr. Kverneland. Han var matros.
2. Elisabet, f. 1841, gift i Stavanger 6-12 1867 med bokkar Lars Larsson Tvihaug, 27 år. — Dei var syskenbarn (Tvihaug 30. 3.).

7. Elisabet Pedersdr., f. 7-12 1806, gift med enkjemann Torsten Torstenson Obrestad (Obrestad 29.).

11. Rasmus Larsson Høneland var frå Vigre (sjå der under 25.). Han var fødd kring 1753, død 20-9 1829, gift med Ingeborg Jensdr., fødd kring 1755, død 6-2 1844, dotter til Jens Larsson Ytre Salte og kona Barbro Rasmusdr. Eg trur ho var brordotter til kona hans Gunnar Omundson (9.) og har truleg byksla Høneland etter Gunnar i 1782. Dei hadde 8 barn:

1. Jens Rasmusson Høneland, fødd 1783 (12.).
2. Berta Malena, f. 1786, gift 17-6 1819 med Jonas Johannesson frå Stavanger.
3. Guri, f. 14-9 1788, gift 1837 med enkjemann Tjærand Tjærandson Haugstad i Varhaug (sjå Odland 47.).
4. Laurentsa, f. 10-7 1791, gift 2-11 1820 med Ingebret Olson Stølane (sjå Håland i Varhaug 48.).
5. Malena, f. 10-7 1791, — Laurentsa sin tvilling, — gift 12-12 1822 med Hans Toreson Kvaselbakken (sjå Hobberstad 43.).
6. Ingeborg, f. 21-7 1793, gift 18-10 1818 med Omund Pederson Lerbek i Varhaug (sjå der 25.).
7. Sven Rasmusson, f. 15-5 1796, d. 5-12 1797.
8. Rakel, f. 27-4 1800, gift 10-6 1823 med enkjem. etter systera Omund Pederson (Lerbek 25.).

12. Jens Rasmusson Høneland, son til 11., fødd kring 1783, død 2-6 1872, gift 1825 med Inger Olsdotter Ueland, f. 1802, d. 16-9 1864, dotter til Ola Pederson Ueland i Varhaug og kona Anna Roaldsdtr. (sjå Ueland 43. 1.). Jens skulle vore uvanleg liten, men kvikk og spretten. Under krigen med England vart han teken til fange og sat i prisonen fleire år. Han byksla Høneland etter faren i 1813. Eg tek med ei avskrift av bykslebrevet: — ”Søren Michael Kastrop, sogneprest til Haa prestegjeld, byksler pladset Høneland under Ødemotland til ungekarl Jens

Rasmusen efter hans gamle fader, Rasmus Larsen, med aarlig afgift til Peder Olsen Ødemotland, 6 dagers arbeide i skuren og desuden at gjæde hver tredje uge fra Gregori tid indtil de har faaet den gandske jordens grøde indhøstet. Han skal ogsaa være pligtig til at give sine gamle forældre aarlig til deres underholdning i opsæt følgende: iy2 pund havremel, 1 skjeppe bygmel, 1 skjeppe rugmel, føde for 1 ko og 3 faar, samt lys og varme at forskaffe dem. etc. Haa præstegaard den 8 Marti 1813.

Søren Michael Kastrup.
Jens Rasmusen Høneland.”

Jens og Inger hadde 8 barn:

1. Ingeborg Laurentse, f. 22-10 1826, gift i Stavanger 15-6 1856 med bygningsmann Andreas Nilsson, 24 år.
2. Ane Berte, f. 20-12 1828, gift med Ola Olson Spogarholen (Bø 102.).
3. Rakel, fødd 28-1 1832, gift med Nils Hanson (Gudmestad 39.).
4. Olina, f. 28-1 1834, gift i Stavanger 15-5 1861 med bygningsmann Kristian Pederson Næsheim (Næsheim 108. 1.).
5. Elen, f. 7-5 1836, d. 25-12 1838.
6. Rasmus Jensson, f. 17-12 1838 (sjå Kvia 50.).
7. Elen, f. 27-6 1841, d. 28-7 s. å.
8. Elen, f. 5-4 1846, gift i Stavanger 9-5 1875 med skomakar Peder Toreson Efstad frå Varhaug (Voll 67. 3.).

13. **Ola Pederson Ødemotland**, son til 10., f. 29-7 1792, d. 28-8 1875, gift 2-8 1816 med Tabitta Gunnarsdr. Njærheim, f. 5-3 1796, d. 9-1 1865, dotter til Anna Pedersdr. Njærheim og Gunnar Olson Bø, seinare Njærheim (sjå Njærheim 73. og 91.). Ola byksla 18 sp. av Kastrup etter faren i 1821. — Tabitta var fostra hjå presten Kastrup på Haa, og det har vore vanleg meining at det var han som var far til første barnet hennar, og at han hadde fenge giftarmålet istand i ei bråvending. Dei fekk 5 barn:

1. Peder Ødemotland, f. 25-8 1816 (16.).
2. Søren Mikal Kastrup, f. 22-11 1819 (14.).
3. Gabriel Ødemotland, f. 5-10 1821, d. 10-2 1822.
4. Elisabet, f. 14-5 1824, gift 14-5 1860 med enkjem. Alakias Tvihaug i Varhaug (sjå der 34.).
5. Gabriel Ødemotland, f. 19-4 1827 (17.). Ola fekk kongeskjøte på 18 sp. i 1849 for 600 spd.

14. **Søren Mikal Kastrup Ødemotland**, son til 13., f. 22-1 1819, d. 21-4 1906, gift 29-9 1859 med Grete Kristine Larsdr. Vigre,

f. 14-1 1832, d. 25-1 1926 (Vigre 43. 3.). Søren kjøpte halve garden av faren, bnr. 2 i 1873. Dei fekk 8 barn:

1. Ola Ødemotland, f. 23-7 1860 (19.).
2. Tabitta, f. 18-4 1863, gift 24-2 1893 m. Torger Sivertson Kvia (Kvia 38. 9.).
3. Lars Ødemotland, f. 31-1 1866 (20.).
4. Berta Karina, f. 23-6 1868, d. 1954, ugift.
5. Søren Mikal, fødd 26-11 1872, død 24-3 1873.
6. Martin, f. 26-11 1872, d. i Amerika, ugift.
7. Grete Kristine, f. 24-6 1869, d. 1945, ugift.
8. Søren Mikal Ødemotland, f. 16-2 1878 (21.).

15. **Rasmus Jensson Høneland** (sjå Kvia 50.) budde på Høneland til 1874, sidan på Jero under Kvia.

16. **Peder Olson Ødemotland**, son til 13., var f. 25-8 1816, d. 4-4 1903. I 1873 skifte faren garden millom dei 3 sønene. Peder fekk då Høneland, av skyld 3 ort 2 skill. At Peder ikkje fekk ein part av hovedbruket, men måtte nøye seg med Høneland, endå han var den eldste, kan ha sin grunn i at han kanskje ikkje var avla av faren. Han skulle vore mykje ulik dei andre sysken på mange vis. — Dreiv helst med smedearbeid og messingstøyping, og let jorda skytte seg sjølv. Han vart då heller ikkje buande lenge på Høneland, frå kring 1883 forpakta han plassen bort, først til Tønnes Larsson Reime som døde i 1885, og så til Torsten Tobias Obrestad som var på Høneland 1886/88. I 1888 kjøpte ein Andreas Olson Høneland og Tuften, Lnr. 82c 82d, av skyld 3 ort 2 skill, av Torsten T. Obrestad for 2000 kroner. — (Eg veit ikkje kven Andreas Olson var.) I 1890 kjøpte Jonas Reime bruket. — Peder Ødemotland var ugift, men etter kyrkjeboka hadde han ² 133,171†

1. Maria, f. 23-8 1843, gift 20-12 1889 med enkjemann Peder Olson Skjærpe, som var Peder Ødemotland sitt syskenbarn. Peder O. budde hjå dei dei siste åra han levde, og døde der.
2. Gabriel, f. 3-9 1846, gift med Olina Monsdr. Grøtheim i Time. Budde på Grøtheim i Time, seinare på Garborg.

17. **Gabriel Ødemotland**, son til 13., f. 19-4 1827, d. 2-5 1910, kjøpte halve garden, bnr. 1, av faren i 1873. Han var smed. Ugift. I 1908 fekk brorsonen, Lars Ødemotland bruket.

18. Jonas Rasmusson Reime var son til Rasmus Rasmusson Reime og Guri Marta Tjølsostr. (sjå Reime 38. 7.), f. 29-10 1860, d. 7-1 1933, — gift 14-3 1889 med Maria Tønnesstr. Sør-Reime, f. 11-2 1861 (Sør-Reime 27. 5.). Jonas kjøpte Høneland av Andreas Olson i 1890. Han var bygningsmann og snikkar. Dei fekk 7 barn:

1. Rasmus, f. 19-7 1889, gift 2-10 1915 med Anna Sør-Reime, fødd 31-3 1894 (S-Reime 41. 4.). Tok over plassen i 1932.
2. Tønnes Reime, f. 26-3 1891, gift 14-11 1913 med Ingeborg Ueland, f. i Time 9-6 1886. Bur på Håland.
3. Jon Reime, fødd 20-9 1892. Smed på Nærbo.
4. Martin Reime, f. 12-6 1894, gift 1933 med Gurine Olsen, f. i Sirdal 2-8 1902. Stasjonsformann på Bryne. Urmakar.
5. Marta, f. 26-4 1896, gift 11-5 1918 med Peder A. Sør-Reime (Sør-Reime 41. 3.).
6. Enevald Reime, f. 21-8 1899, gift 4-4 1924 med Ingrid Njærheim, fødd 18-1 1900. Bur på Rimestad.
7. Elias Kastrup Reime, f. 12-3 1901, gift 24-1 1931 med Lotte Tjåland Lode, f. 20-9 1898. Murar. Bur på Nærbo.

19. Ola Sørenson Ødemotland, son til 14., f. 23-7 1860, d. 11-8 1926. Han tok over bnr. 2 av faren i 1908. Smed. Ugift.

20. Lars S. Ødemotland, bror til 19., fødd 31-1 1866, død 2-6 1934, gift 26-10 1893 med Severine Anestad, f. 25-8 1868, dotter til Sven Erikson Anestad i Varhaug og kona Grete Guria Larsstr. (Anestad 28. 6.). Lars tok over bnr. 1 etter farbroren Gabriel Ødemotland i 1908. Dei fekk 8 barn:

1. Grete Kristine Ødemotland, f. i Stavanger 30-8 1894.
2. Søren, f. i Stavanger 15-12 1895, d. 25-5 1909.
3. Gudrun, f. i Stavanger 26-7 1898, d. 1924.
4. Sigrid Ødemotland, f. 22-2 1901. — Lærarinne.
5. Signe, f. 27-11 1905, gift 8-7 1933 med Martin Vetteland, f. i Varhaug 21-7 1901. Arb. ved Kvernelands fabrikk.
6. Gabriel Ødemotland, f. 24-1 1903, gift 13-3 1937 med Maria Taksdal, f. i Time 1908. Han eig nå bnr. 1, men bur i Telemark.
7. Lars L. Ødemotland, f. 10-6 1908, gift 27-9 1941 med Karen Kvia, f. 29-1 1915 (Motland 29. 4.). Bur på Ødemotland, bnr. 5 og 7.
8. Søren Ødemotland, f. 7-11 1911, gift

24-7 1943 med Aud Øyen, f. i Trondheim. Arbeider ved Nærbo Meieri.

21. Søren Mikal Ødemotland, bror til 20., f. 16-2 1878, gift 19-10 1907 med Karen Gurine Kvia, f. 7-9 1886 (Kvia 57. 5.). Han fekk ein part av bnr. 1 og bnr. 2 i 1907, bnr. 4. Dei har hatt 7 barn:

1. Grete Kristine, f. 14-3 1908, gift 19-10 1932 med Sigurd Anestad (Haa 21.).
2. Målfrid, f. 16-9 1910, gift 4-7 1942 med Norvald Refsnes.
3. Søren Mikal Kastrup, fødd 30-3 1913. Fiskar. Bur på Ødemotland.
4. Torbjørg Ødemotland, f. 27-10 1915, gift 22-9 1945 med Peder Tobiasson Vigre (Vigre 65. 1.).
5. Tørres Ødemotland, f. 12-5 1918, gift 1950 med Valborg Risberg, f. 24-3 1930. Han tok over bnr. 4 i 1951.
6. Olav Ødemotland, f. 19-8 1920 (25.).
7. Steinar, f. 4-8 1922, d. 7-4 1923.

22. Johan Rasmusson Kvia, son til nr. 12. 6. Fødd på Høneland 6-3 1873, død på Nærbo 6-3 1953. Gift 1) 6-4 1900 med Serina Pedersdotter Løgesteinen, f. 7-5 1876, d. 9-6 1903. Gift 2) 5-5 1905 med Berta Maria Olsdotter Snorestad, fødd i Ogn 28-11 1880, d. 9-9 1938, dotter til Ole Isakson Fotland i Time og kona Berta Toresstr. frå Tjåland. Gift 3) 11-11 1939 med Gina Lerbrek, fødd i Varhaug 30-12 1901 (Lerbrek 37. 5.). Johan Kvia kjøpte ein part av Ødemotland i 1909, bnr. 5 og 7.1 1938 selde han til Lars Ødemotland og flutte til Nærbo. Han var skomakar og hadde butt på Kvia før han kom til Ødemotland (sjå Kvia 68B.). Han hadde ei dotter i andre gifte:

Anna Kvia, f. 23-9 1905, gift med Olav Høyland (Reime 64.).

23. Gabriel Ødemotland, son til 20. Fødd 24-1 1903. Gift 13-3 1937 med Maria Taksdal, fødd i Time 1909, dotter til Peder Ole-Andreasson Taksdal og kona Pernille Knutsstr. Sæland. Gabriel Ødemotland tok over farsgarden, bnr. 1, i 1934. Dei flutte seinare til Telemark, — og Olav Ødemotland forpakta garden. Gabriel og Maria har 2 barn:

1. Sigrunn Ødemotland, f. 15-7 1938.
2. Åsa Ødemotland, f. 19-4 1944.

24. Lars Larsson Ødemotland, bror til Gabriel, fødd 10-6 1908. Gift 27-9 1941 med Karen Kvia, fødd 29-1 1915 (Motland 29. 4.). Lars Ødemotland kjøpte bnr. 5 og 7 av Johan Kvia i 1938. — Barn:

1. Lars Ødemotland, f. 23-9 1942.

2. Tor Ødemotland, f. 13-7 1945, gift 1967 med Astrid Tjøtta, Klepp.
3. Signy Ødemotland, f. 9-10 1948.
4. Eldgrim Ødemotland, f. 8-9 1951.
25. Olav Ødemotland, son til 21., fødd 19-8 1920, gift med Guri Olausdotter Mauland, fødd i Time 30-4 1921, dotter til Olaus Olson Mauland og kona Agnes Bernsdtr. Taksdal. Olav Ødemotland tok over bnr. 2 etter farbroren Ola Ødemotland i 1951. Han forpaktar og brukar dessutan bnr. 1 og 2. — Barn:
1. Kjellaug, f. 30-1 1957.
 2. Anne-Lise, f. 2-3 1958.
 3. Svein Mikal, f. 14-10 1960.
26. Rasmus Jonasson Reime, son til 18. Fødd 19-7 1889. Han tok over faren sitt bruk, bnr. 3, Høneland, i 1932. Han gav det sidan frå seg til sonen Jon — (sjå Skjærpe 51.).
27. Jon Rasmusson Reime, son til 26. — Fødd 7-10 1918. Gift med Anna Hobberstad, fødd i Varhaug 15-8 1920. Han tok over Høneland, — han brukar jorda, men har kjøpt eit hus på Bø der han bur og leigar bort husa på Høneland. Han er kyrkjeverje og pedel på Bø skule. Barn:
1. Rolf Reime, f. 28-8 1941.
 2. Odd Emil Reime, f. 28-3 1945.
 3. Jan Arvid Reime, f. 25-9 1947, gift 24-7 1965 med Gunlaug Karina Erfjord.
 4. Arnstein Reime, f. 20-5 1953.
 5. Geir Reime, f. 31-3 1957.

G.nr. 19. Kvia

Namnet Kvia skal koma av gamalnorsk kvi som tydar gare eller hage der dei samla buskapen om natta. Kvia var og namnet på skipreidet, så staden har truleg vore ting-gard i gamal tid. På Kvia snakkar dei ennå om tingsteinen som skal vera til ennå. Kvia hadde ei korn landskuld på IV₂ pund, som Gabriel Kirsebom åtte i 1723. Frå 1778 eig oppsitjarane, 3 mann, kvar sine bruk. Og slik har det vore sidan. Kring 1870/1880 vart dei 2 av bruka skift i 2 så det vart 5 bruk, og dessutan husmennene på Ronga og Røderulla.

Kvia skifter med Ødemotland i vest og Motland i nord, mot aust skifter det med Motland, Bø og Håland og mot sør med Ånestad og Djøseland i Varhaug. Lendet er meir kupert enn på Ødemotland, med bakkar og Kviadalen med Dalabekken. Sunnanfor Kviadalen er Råso og Rongjo, der er mykje myrlendt og våtlendt leirjord, som er mest heilt flat.

NAMNEREGISTER

1. Thorstein 1519
2. Guthorm
3. Siguard
4. Helge
5. Haluard
6. Ivar
7. Torgier
8. Oluff 1602/1603
9. Oluff 1613/1624
10. Ola Nilsson
11. Rasmus Salomonson
12. Eilef Gregoriusson
13. Nils (Olson?)
14. Håvard Olson
15. Laurits Simonson Garborg
16. Eilev (Gjermundson?)
17. Jon Ellingson Salte
18. Lars Olson Garborg
19. Einar Toreson (Holen?)
20. Tolleiv Kristoferson
21. Peder Larsson Bjørheim
22. Rasmus Larsson Kvia
23. Ola Tolleivson
24. Lars Pederson
25. Lars Rasmusson
26. Erik Halvarson Røderullen
27. Elling Svenson Røderullen
28. Hans Kristenson Røderullen
29. Einar Asbjørnson Røderullen
30. Tolleiv Olson Kvia
31. Knut Simonson Bjørhaug
32. Peder Larsson Kvia
33. Jon Torkelson Mauland
34. Tørres Jespersion Nese
35. Abraham Olson Rongen
36. Ingebret Larsson Rongen
37. Sivert Svenson Rongen
38. Sivert Knutson Kvia
39. Tobias Tørresson Kvia
40. Salve Abrahamson Rongen
41. Ola Abrahamson Rongen
42. Tobias Ingebretson Rongen
43. Lars Ingebretson Rongen
44. Elling Ellingson Rongen
45. Gabriel Torjusson Røderullen
46. Tobias Gabrielson Røderullen
47. Tolleiv Jonson Kvia
48. Tønnes Jonson Kvia
49. Benjamin Jonson Kvia
50. Rasmus Jensson Høneland
51. Kristian Sivertson Kvia
52. Tolleiv Asbjørnson Undheim
53. Samuel Gabrielson Erga
54. Tobias Nilsson Orstad
55. Reinert Kvia Rongen
56. Hans Mikal Eivindson Risa
57. Tørres T. Kvia
58. Karl T. Kvia
59. Rasmus H. Ånestad
60. Tobias Olson Lende
61. Garman Gabrielson Hodne
62. Karl Gabrielson Frøyland
63. Mikal T. Isakson Motland

64. Isak Motland
65. Tollef Røderullen
66. Gabriel T. Kvia Røderullen
67. Gabriel Tvihaug Rongen
68. Ingebret Larsson Rongen
69. Enevald Ellingson Rongen
70. Helmik Rangen
71. Tobias Tørresson Kvia
72. Ola T. Kvia
73. Ola R. Kvia
74. Per Håland
75. Benjamin Skjærpe
76. Hans Aanestad
77. Nils Hatteland
78. Hans Jørgen Bø
79. Torger Rangen
80. Gustav Rangen
81. Lars Rangen
82. Tobias H. Risa
83. Olav T. Kvia
84. Ingvald Hognestad
85. Tobias O. Kvia
86. Knut Hatteland
87. Tønnes O. Vigre
88. Terje Kvia

1. **Thorstein Kvia** er nemnd i 1519.

2. **Gudthorm Kvia** er nemnd saman med Thorstein i 1519.

3. **Sigvard Kvia** er nemnd i 1521.

4. **Helge Kvia** er nemnd i 1563.

5. **Halvard Kvia** er nemnd 1563.

Mogens frå Kvia bømte 2½ dalar for han stakk Peder frå Obrestad.

6. **Ivar Kvia** var laugrettsmenn 1591 og 1602.

7. **Torgier Kvia** nemnd 1602 og 1603.

8. **Oluff (Person?)** er nemnd på Kvia 1613, 1619 og 1624. Han var truleg gift med Ingeborg Øybrandsdotter (syster til Øybrand Hobberstad?).

9. **Oluff Kvia II** er nemnd saman med nr 8 i 1613, 1619 og 1624.

10. **Ola Nilsson** er nemnd på Kvia frå 1616 til 1645. Han hadde 2 søner i 1645 og skatta iy2 ort.

10B. Hans Kvia. — Eivind Ødemotland hadde Stemnt Hans Kvia for Retten i 1634, for han hadde teke høy hjå han. Hans nekta ikkje, og måtte bømte 3 mark sylv.

11. Rasmus Salomonson (sjå Skretting 5. 1.) var død før 1645. — Han hadde truleg sonen: Hans Rasmusson Skretting (Skretting 9.).

11B. Peder Kvia er nemnd i Tingboka 26-6 1658, då han hadde ein son: Tjøl Person Kvia som saman med Anders Olson Hobberstad og Ola Karlson Sør-Reime var for retten for dei ikkje ville møta til utskivinga, men hadde rømt til byen. Dei møtte ikkje for retten, og vart dømde å bømte 10 mark sylv kvar, "eller fare freedløse".

12. Eilev Gregoriusson Kvia er nemnd 1645 og 1664. Han var laugrettsmann. Fødd kring 1610, død 1671, skifte det året 6-5. Han var gift med enkja etter Rasmus Salomonson (11.), Malena Olsdotter, og tok over Kvia. Han var frå Skretting, og då han kom til Kvia, flutte styksonen, Hans Rasmusson, til Skretting. — Eilev hadde ei stykdotter i 1645, og ved skiftet i 1671 er nemnde 4 barn. Han brukte eit halvt pund i Kvia i 1665. Barna var:

1. Rasmus Eilevson Bø (sjå Bø 27.).
2. Marit Eilevsdr., gift 1) med Morten Gregoriusson Gjeitreim i Bjerkreim, gift 2) med Reiar Knutson Berge i Gjesdal.
3. Anna Eilevsdr., gift med Rasmus Rasmusson Voll (sjå der 14.).
4. Karen Eilevsdr. var kanskje gift på Kvia.

13. Nils (Olson?) kunne vore son til 10. Han er ikkje nemnd korkje i manntall eller skifte, men har truleg butt på Kvia i tida kring 1650, for Laurits Simonson, som var på Kvia i 1665, hadde stykbarna: Ola Nilsson 12 år, Ivar Nilsson 7 år, og Karen Nilstr. som Tingboka for 27-11 1678 fortel dette om: — "Kongelig Maje-stæts Fouget udj Rette steffndt Claus Suendsen Øuestad formedelst hand haffr besoffuit Karen Nielsdatter Quie. Hans fader, Suend Øuestad, møtte paa hans veigne, och hendes stoff-fader, Lauritz Quie, paa hendes veigne, osh foregaff at dj vare thuende fattige personer, och haffde iche raad at bømde, men bad om naade och iche Retten, huilchet fougden iche ville vere tilfredtz med, men paastod dom. Er affsagt for Rett: hand at bømde 12 Rdr. och hun 6 Rdr."

14. Håvard Olson Kvia kunne vore son til nr. 10. Han var fødd kring 1613. Der er ikkje funne skifte etter han, og heller ikkje etter kona, men ho har truleg heitt

Anna, og var kanskje dotter til Halvard Lintjorn i Ognå. Håvard Kvia brukte 16 spand i 1665. Eg tenkjer meg, at Ola Nilsson (10.) brukte 1 pund som Håvard og Nils Olson hadde skift mellom seg med 16 spand på Håvard og 8 spand på Nils Olson. — Av Håvard sine barn veit me om 5:

1. Halvard Håvardson, fødd 1651, var i Kristiansand i 1715.
2. Ola Håvardson, f. 1653, død før 1715, ugift.
3. Gregorius Håvardson, f. 1657, skifte etter han 5-6 1715. Han var gift med Sissel Øysteinsdr., enkja etter Rasmus Sande, og budde på Sande i Håland.
4. Nils Håvardson Høyland (sjå Høyland 23.).
5. Anna Håvardsdatter, gift med Einar Toreson Kvia (19.).

15. **Laurits Simonson Garborg** var son til Simon Olson Garborg og kona Joron Svensdr. Han var bror til Ola Simonson Gudmestad. Fødd kring 1637, skifte etter han 27-8 1700, gift med enkja etter Nils Olson (13.). Det er truleg at han og var gift ein gong seinare. Kona heitte Torborg Osmundsdatter og var kanskje den andre kona hans. Han hadde ikkje barn. Laurits Simonson brukte dei 8 sp. etter Nils Olson.

16. **Eilev (Gjermundson?)** var truleg frå Erga, eller kanskje han budde på Erga seinare (1701). Eg har meint at han først var gift med dotter til Eilev Gregoriusson. Vart kanskje seinare gift med (Johanna?). Truleg var desse hans barn:

1. Astrid, f. 1680?, gift med enkjemann Reiar Salveson Gausland.
2. Ranveig, — gift med Peder Helgeson Ueland (Njærheim 61.), f. 1689.
3. Johanna, f. 1700, gift med enkjemann Sven Helgeson Opstad.
4. Gjermund Eilevson Skrettingland, f. 1704 (Skrettingland 10.).

17. **Jon Ellingson Salte** var son til Elling Jonson Salte. Han var fødd kring 1639, skifte etter han 9-6 1728. Gift med Else Jonsdatter Bø (Bø 32. 3.). Han brukte 12 spand i 1723 som Gabriel Kirsebom åtte. Dette må ha vore dei 12 spand som Eilev Gregoriusson brukte i 1665, og som truleg Eilev Gjermundson hadde brukt etter han. (Dette synest noko rart, når Eilev Gjermundson levde i 1701. Han må i så fall ha reist frå Kvia før 1701 og gjeve frå seg bruket til Jon Ellingson.) Jon og Else hadde 3 barn:

1. Elling Jonson Kvia (20B.).
2. Malena Jonsdr., f. 1710, gift 1729 med enkjemann Ola Ellingson Anestad (sjå Anestad 24.).
3. Anna Jonsdr., f. 1712, gift med Peder Larsson Kvia (21.).

18. Lars Olson Garborg, son til Ola Nilsson Garborg og Malena Håvardsdtr. Hadland i Time. Han var fødd kring 1667, gift med Anna Olsdatter? Han brukte 8 spand som Gabriel Kirsebom åtte, og som Laurits Simonson hadde brukt. Lars kom til Kvia i 1701, og me veit at Laurits Simonson døde i 1700. Det er då rimeleg at Lars Olson først hadde vore gift med enkja etter Laurits Simonson, — Torborg Osmundsdatter, og så seinare gift 2) med Anna Olsdatter. Diverre har me ikkje noko skifte å halda oss til. — Men me kjenner 5 barn:

1. Ola Larsson Undheim, f. 1701, gift med Maren Svensdr. Tunheim. Budde på Litle Undheim i Time.
2. Malena Larsdr., f. 1704, gift 1) med Omund Tjæranson Opstad, gift 2) med Rasmus Pederson Opstad, gift 3) med Jon Olson Opstad (sjå Opstad 22., 34. og 35.).
3. Ola Larsson Håland, f. 1707 (Store Håland 8.).
4. Rasmus Larsson Kvia, f. 1708 (22.).
5. Rasmus Larsson Opstad, f. 1718 (Opstad 33.).

19. Einar Toreson Kvia var truleg son til Tore Olson Holen i Time. Han var fødd kring 1655, og Tore i Holen hadde ein son som heitte Einar og var 13 år i 1665. Han hadde ei syster som heitte Guri og var gift med Tolleiv Ormson Horpestad i Klepp. (Dette må eg ha sett ein stad, men kan ikkje veta kvar det var?) — Einar Toreson var gift med Anna Håvardsdtr. Kvia (14. 5.). — I 1692 var Einar Kvia stemnd for retten fordi han "som en ægtemand haffuer besoffuit it quindfolch, nemblig Joron Lauritzdatter, och med hende aufflet barn". Einar møtte for retten og la fram ei skriftleg tilståing "at hand disuerre iche kand fragaa samme forseelse. Foregiffuer derudinden at hans egen quinde underthiden er fra sit sandtz, och derved haffuer (han) et stort huscors, foruden dette at han haffuer thuede gamble folch, som haffuer giffuit sin jordbrug op for hannem, och dersom hand schulle komme fra gaarden, maa de samtlibens geraade udj største armoed och elendighed. Huad angaar hans fatige formue, da foregiffuer hand at bundelens-

manden efter fougdens befalling haffr registreret och vurderit hans ringe middel, och derimod befindes hans schyld och giæld langt høyere end hans formue, saa hand haffuer ganske intet at bøde med. Huorom fremkomb for Retten Peder Rasmusen Bøe och Free Lindal, som saadanne hans beretning ved bogereed af lagde saa i sandhed at være." — Videre heiter det: "Belangende hans affsoning, da haffuer hand dog imod ingen haffuende middel, som hand ved gaatfolches hielp maa søge til hans Majestæt at bøde 6 Rdr. huad angaar hans hendømmelse for begangne forseelse, da for hans elendige huses thilstand, som udj hans indleg findes indført, som ochsaa bleff thilstaait, saa at haffue sig, da haffuer kong. majestæts fouggit, Madtz Holmb, saadant udj consideration thagit, och med domb ladet udinden beroe indtil saadant dend høye øffrighed sligt udinden kand tilkiendgiuffue, huorledis dermed videre forholdes, huormed det forbliffuer.

Angaaende quindfolchit, da møtte hendes fader, som er en fatig huusmand, naffnlig Lauritz med Aaen, och foregiffuer hun haffuer iche videre end som hun staaer och gaar udj, huilchet de 8 mend som Retten betiener beuandt i sandhed at være. Mens for hendes forseelse hendømmes hun til fischeleje nordenfieldts, effter lougens tilhold, udj thou aars tid, och hun sig der saa at anstille, som hun agter videre ved beuislighed at medbringe, och iche effterdags at komme udj hans omgiengelse, saafrembt hun iche høyere effter loughen vil straffes."

Med omsyn til det barnet som denne stemning og dom gjaldt, så kan manntallet for 1701 fortelje frå Kvía: "Ener Thorsøn, 45 aar, husbond, og Ener Enersen, hans søn, 9 aar, er til opfostring hos huusmanden under Opstad." Noko meir om denne saka har eg ikkje funne i rettsbøkene. Men truleg kom ho som mora var på straff ved fiskeveret nordenfjelds, medan han som faren var slapp med den vanlege leiermålsbot. — Einar Toresoh hadde 2 døtre med kona:

1. Siri Einarsdotter, gift med enkjemann Helge Anundson Opstad (Opstad 25.).
2. Anna Einarsdotter, gift med Tolleiv Kristoferson Kvía (20.).

20. Tolleiv Kristoferson var son til Kristofer Aslakson Oгна frå Opstad. Fødd 1681, død 1758. Gift med Anna Einarsdotter. Kvía, fødd kring 1698, levde i 1758. Han brukte 16 spand som Gabriel Kirsebom åtte, og åtte dessutan 12 spand i Odland

som han hadde bytt til seg mot 12 spand i Fuglestad. Tolleiv og Anna Kvía hadde 4 barn:

2. Kristofer Tolleivson, f. 1730, gift med Gjøa Henriksdtr. Budde i Stavanger.
3. Ola Tolleivson Kvía, f. 1734 (sjå 23.).
4. Berit Tolleivsdotter, f. 1724, gift med enkjem. Kristen Monsson Skrettingland (Skrettingland, Varhaug 11.).

20B. Elling Jonson Kvía, son til nr. 17, var fødd i 1703. Han brukte ikkje Kvía, men var gift og budde på Bærensleje, Lyngholmen i 1734 (sjå ellers om han i Tingbok avskrift IV side 81, 107, 123, 125, 142, 143 og V side 41).

21. Peder Larsson Rjorheim (Bjorheim, Varhaug 5. 2.), var fødd i 1705, død 1780, skifte 19-6 det året. Han var gift med Anna Jonsdtr. Kvía (17. 3.), fødd kring 1712, død 1797. Peder byksla dei 12 spand etter Jon Ellingson. I 1769 kjøpte han bruket av Johan Henrik Dahl, som kona hans, Maren Hansdtr. Schanche hadde fenge i farsarv etter Hans Einarson i Eigersund. Dei hadde 10 barn:

1. Malena, fødd 1734, gift med Samuel Samuelson Sele (Næsheim 44. 2.).
2. Else, f. 1736, gift med enkjem. Lars Gitleson Rimestad (Rimestad 22.).
3. Malena d. y., f. 1738, gift med Elling Erikson Vigdel (enkjemann).
4. Lars Pederson Kvía, f. 1745 (sjå 24.).
5. Anna (Johanna?), f. 1747, gift med Gunnar Motland (Motland 15.).
6. Ingeborg, f. 1749, gift 1) med Albret Pederson Valdeland, gift 2) med Ola Torgerson Valdeland, — (Valdeland, Varhaug 6. og 7.).
7. Johanna, f. 1751, gift 1) 1793 med Skiljan Larson Arestad i Time, gift 2) med Gunnar Tolleivson Arestad frå Sikveland.
8. Inger, fødd 1752, gift 1) med Torjus Mikkelson Gjertholen i Varhaug (Voll 49.), gift 2) med enkjemann Roald Areson Store Undheim.
9. Jon Pederson Haugland, f. 1753, gift med Kirsten Olsdtr. Budde på Haugland i Time.
10. Berta Pedersdtr., fødd 1756, gift med enkjemann Gitle Rasmusson Varhaug (S. Varhaug 58.), gift 2) 1815 med enkjem. Sigbjørn Ellingson Sirevåg i Oгна.

22. Rasmus Larsson, son til 18., f. 1708, gift med Malena Olsdtr. Bø, fødd kring 1722 (Bø 43. 2.). Rasmus byksla dei 8 sp. etter faren frå 1747. Han må ha kjøpt

dei 8 sp. før 1756, for det året selde han 8 sp. i Kvia til broren Ola Larsson Håland, og byksla dei att av han same dagen. I 1768 selde Ola Håland dei 8 sp. til Peder Rasmusson Husveg for 33 rdl. (Der står Ole Larsson Helland kvar gong og ikkje Håland?) Rasmus Larsson og Malena fekk 4 barn. Dei heldt skifte med dei 17-6 1782:

1. Lars Rasmusson Kvia, f. 1750 (25.).
2. Anna, f. 1752, gift med Sven Tørresson Taksdal i Time.
3. Malena, f. 1754, gift med Ola Torkelson Næsheim (Næsheim 64.).
4. Berta, f. 1757, gift 1) 3-7 1789 med enkjemann Peder Einarson Njærheim, gift 2) 3-4 1810 med Knut Hansson Njærheim frå Vigre (Njærheim 78. og 81.).

23. Ola Tolleivson Kvia, son til 20., fødd kring 1734, d. 2-3 1809, gift 1) m. ukjend, d. før 1765, gift 2) 18-8 1765 med Gunvor Olsdr. Garborg, f. 1742, dotter til Ola Gabrielson Garborg og kona Marta Omundsdtr. Ola tok over bykselen på 18 sp. etter mora, Anna Einarstr. i 1758. I 1773 den 24-5 finn me dette i Panteboka: "Jeg Michael Backe, boende paa gaarden Saltkop i Slagens Anex under Sembs præstegjeld, gjør vitterlig at have solgt til Ole Tollefsen hustru og arvinger, den mig med min hustru Gurine Kirsebom tilfaldne 12 sp. i Qvie, som er min hustrues tilfaldne arvemidler efter skifte da. Egersund 21-11 1747, for hvilke mine 12 sp. Ole Tollefsen til mig erlagt og betalt den summa 65 rdl." — Samme året, 1773, kjøpte Ola Tolleivson 4 sp. i Kvia av Kristen Mons-son Skrettingland for 18 rdl. Dette var dei same 4 spand som er nemnde under nr. 20. — Ola Tolleivson og Gunvor fekk 5 barn:

1. Tolleiv Olson Kvia, f. 1766 (29.).
2. Isak Olson Opstad, f. 1769 (sjå Opstad 43.).
3. Ola Olson, f. 1773, gift i Stavanger 5-6 1800 med enkja etter Endre Kristoferson Kvia, Ingeborg Maria Olsdr. Tru om det var den Ole Qvie som i "En Stavangersk Cicerone" er nemnd tambur og diktar kring 1790? Han var bøkkar i 1833 og gift 2) 1833 med Malena Larsdr. Oma i Stavanger. Den nemnde Endre Kristoferson Qvie var brorson til Ola Tolleivson.
4. Abraham Olson, f. 1775, gift 12-4 1801 med Stine Karlsdotter, Kleppe. Budde på Kleppe.
5. Anna Maria, f. 1779, gift 5-11 1809 med enkjemann Ola Olson Næse, Klepp.

24. Lars Pederson, son til 21., fødd kring 1745, d. 16-11 1842, gift 1) 17-11 1773 med Åsa Mikkelsdtr. Helland, f. 1747, d. 4-1 1790, dotter til Mikkel Pederson Helland i Time og kona Ingeborg Simonsdtr., gift 2) 21-6 1791 med Helga Rasmusdtr. Håland, f. 1764, dotter til Rasmus Jonson Øvre Håland i Time og kona Helena Endresdtr. Norås. Lars kjøpte 12 spand av faren i 1779. I 1785 kjøpte han *4 i Haavåg Laksefiskeri av Rosenkilde. — Same året kjøpte han 16 spand i Bø av Børre Rosenkilde, som Helge Svenson byksla (Bø 57.). I 1826 selde han % = 3 sp. i Haavåg Laksefiskeri til Tjærand Søyland for 88 spd. (sjå Søyland 16.). Lars fekk 6 barn i første gifte og 8 i andre:

1. Ingeborg, f. 1773, gift Sunday Sept. 1802 med Peder Olson Gudmestad (Gudmestad 25.).
2. Peder Larsson Kvia, f. 1775 (32.).
3. Anna, f. 1781, gift Iste Adv. 1804 med Elias Einarson Odland i Varhaug — (Odland 41.).
4. Asselina, f. 1785, gift 22-2 1802 med Tønnes Theofilusson Søyland (Søyland 17.).
5. Laurensia, f. 5-3 1787, gift 1) 17-10 1819 med Josef Josefson Time, gift 2) 26-5 1842 med enkjemann Knut Olson Hinna.
6. Mikkel, f. 10-1 1790, død same året.
7. Mikkel Larsson Opstad, f. 4-11 1792 (Opstad 55.).
8. Rasmus Larsson Opstad, f. 9-8 1795 (Opstad 54.).
9. Anna Helena, f. 28-1 1798, d. 7-5 1799.
10. Anna Helena, f. 16-2 1800, gift 2-12 1821 m. Jon Gunnarson Opstad (Opstad 58.).
11. Guri, f. 4-11 1802, d. 10-11 s. å.
12. Johanna, f. 31-1 1805, gift 1) med Anfinn Einarson Re i Time, gift 2) med Gunnar Jonson Line i Time.
13. Elling Larsson, f. 17-6 1807, truleg død som barn.
14. Marta, f. 2-2 1809, gift 6-6 1830 med Peder Omundson Ueland (33. 6.).

25. Lars Rasmusson, son til 22., f. 1750, d. 5-11 1833, gift med Malena Olsdotter Lode, f. 1750, d. 22-8 1831 (Lode 33. 2.). Lars Rasmusson kjøpte 8 sp. av Peder Rasmusson Husveg i 1774 for 36 rdl. Han hadde 4 barn:

1. Malena, f. 1779, gift med Knut Simonson Bjorhaug (Kvia 31.).
2. Ola, f. 11-10 1789, d. 25-12 s. å.
3. Ola Larsson Kvia, f. 19-12 1790, d. 5-10 1808. Faren hadde skreve garden over på Ola i 1808 for 160 rdl. + folge. Då

han døde same året tok Knut Simonson over bruket.

4. Anna Malena, f. 16-12 1792, d. 13-8 1795.

26. **Erik Halvardson Røderullen** var truleg son til Halvard Erikson Sirevåg i Oгна og kona Marta (Ingeborg?) Ingebretsdtr. Han var f. i Oгна 1722, d. som fattiglem på Røderullen 13-3 1794, gift 1) i Oгна 5-12 1752 med Guri Larsdtr., fødd kring 1711, d. før 1785. Dei budde på Sirevåg i 1758 og hadde ein son: Halvard, 3 år gamal, d. på Bø i Oгна 1833 som fattiglem. I 1765 flutte dei til Haa kall. Eg går då ut frå at det var han som sidan budde på Røderullen og kring 1785 eller før vart gift 2) med Ingeborg Gunnarsdtr. som døde på Røderullen som enkje 21-2 1801, 66 år. Truleg var ho enkja etter Peder Ellingson Rudleholen (Båden) under Reime, og dotter til Gunnar Aslakson Rudleholen (sjå Reime 22. 1.). I 1780-åra fekk husmann Erik Halvardson under Kvia 5 rdl. av Stavanger Amts Landhusholdningsselskab for steinrydning og gjerde han hadde gjort — (sjå Eiv. Hognestad: "Rogaland Landbrukselskab"). — Erik Halvardson fekk ei dotter med Ingeborg Gunnarsdtr.:

Malena Eriksdtr., fødd kring 1785. Ho tente hjå Erik Ivarson Lode i 1801, gift 1826 med Einar Asbjørnson Røderullen (29.).

27. **Elling Svenson Røderullen** (Skretting 43.), var fødd på Auglænd i Time 1745, død 18-1 1800. Då han døde var han kalla Skretting, men eg trur ikkje at han var frå Skretting. Han måtte i så fall vore å funne i manntallet for 1758. Han var gift med enkja etter Asbjørn Asbjørnson Skretting, Anna Einarstr. frå Ånestad, og hadde vel butt på Skretting før han kom til Røderullen etter Erik Halvardson. Han var husmann og barnlaus. Elling var son til Sven Larsson Frøyland i Time og kona Bothild Ellingsdtr.

28. **Hans Kristenson Røderullen** var fødd kring 1769, d. (1825?), gift 3 Adv. 1800 med enkja etter Elling Svenson, Anna Einarstr., som døde 15-9 1827, 85 år. Eg har vore i tvil om kven sin son denne Hans Kristenson var. Mor hans er grei nok. Ho heitte Ingeborg Mikkelsdtr. frå Friestad i Oгна og var hjå sonen på Røderullen i 1801 og døde der. Ho var ugift, så Hans var uekte fødd. Truleg hadde han vakse opp hjå morbroren, Ingebret Mikkelson på Grøtheim i Nærbø,

og der mor hans tente i 1758. Eg har undrast om han kunne vore son til Kristen Kristenson Mæland som budde på Rimestad (37.). Hans tok over bykselen på Røderullen etter Elling Svenson.

29. **Einar Asbjørnson Røderullen** var son til Asbjørn Asbjørnson Skretting og Anna Einarstr. (Skretting 38. 6.). — Han var altså stykson til både Elling Svenson og Hans Kristenson. Einar var f. 1783, d. 23-7 1845, gift 31-3 1826 med Malena Eriksdtr. Røderullen, f. 1785, d. 12-5 1846, dotter til 26. Han byksla Røderullen av dei Kvia etter Hans Kristenson i 1823. Dei var barnlause.

30. **Tolleiv Olson Kvia**, son til 23., f. 1766, d. 11-1 1854, gift 1804 med Berta Maria Gunnarsdotter Friestad, f. 1783, d. 24-2 1856, dotter til Gunnar Tjølson Friestad i Oгна og kona Berit Pedersdtr. frå Sør Tjemsland i Varhaug. Tolleiv kjøpte 16 sp. av faren i 1795 for 199 rdl. Dei fekk 6 barn:

1. Ola, f. 25-7 1805, gift med Johanna Johannesdtr. Friestad. Budde på Friestadbakken i Oгна.
2. Gunnar Tolleivson, f. 14-3 1808, gift 15-5 1836 med Elen Rasmusdtr. Djøseland, f. 1-3 1815. Budde på Varen under Djøseland i Varhaug (sjå der 36.).
3. Gunvor, f. 15-5 1811, d. 20-1 1816.
4. Berta, f. 7-2 1813, gift med Jon Torkelson Kvia (33.).
5. Gabriel, f. 11-1 1817, d. 29-7 1884 på Kvia, ugift.
6. Gunvor, f. 31-12 1821, gift 5-11 1850 m. Tobias Gabrielson Røderullen (46.).

31. **Knut Simonson Bjorhaug** var son til Simon Mikkelson Bjorhaug og Guri Knutsdtr. (sjå Bjorhaug 7. 3.). Han var fødd kring 1776, d. 2-2 1836, gift 19 Trinitates 1802 med Malena Larsdtr. Kvia (25. 1.), f. 1779, d. 8-2 1829. Knut kjøpte 8 sp. av verfare som sonen Ola Larsson var død frå i 1809 for 160 rdl. Då Malena var død gifta han seg 2) 28-5 1830 med Berta Korneliusdtr. frå Voll i Varhaug, f. 1783 (Voll 52. 2.). Og då Knut var død gifta Berta seg 2) 26-8 1842 med Erik Svenson Malde frå Kolnes. Knut hadde brukt Bjorhaug før han kom til Kvia i 1809. Han hadde 8 barn i første gifte:

1. Sivert Knutson Kvia, f. på Bjorhaug 24-1 1804 (38.).
2. Guri, f. 17-12 1805, gift 1) 1-6 1828 med Ola Toreson Gudmestad (Gudmestad 26.), gift 2) 1-4 1852 med enkjemann Hans Einarson Re.

3. Lars Knutson Tvihaug, f. 28-4 1808, gift 13-10 1833 med enkja etter Erik Jakobson Tvihaug, Anna Malena Pedersdr. (sjå Tvihaug i Varhaug 30.).
4. Ola Knutson Haugland, f. på Kvia 8-3 1810, gift 30-3 1841 med enkja etter Ola Haugland i Time, Karen Margareta Klausdr.
5. Anna Malena, f. 27-9 1812, gift 24-5 1855 med Helge Olson Anestad i Varhaug (sjå der 74.).
6. Kristine, f. 9-12 1815, d. 18-7 1816.
7. Kristine, f. 26-7 1817, gift 11-11 1846 med enkjemann Helge Olson Bø.
8. Marta Malena, f. 19-3 1821, gift 28-3 1844 med Helge Olson Bø (sjå Bø 86.).

32. **Peder Larsson Kvia**, son til 24., fødd 1775, død på Øvre Time, gift 2 Adv. 1802 med Guri Larsdr. Vigre, f. 1778, d. på Time (Vigre 35. 1.). Peder budde på Åno under Opstad til kring 1820, då han tok over bruket på Kvia. Den 10-4 1826 var offentlig auksjon halden på Kvia etter krav frå bankstyret i Kristiansand, over Peder Larsson sin part, 12 spand i Kvia. Sven Hansson Oftedal frå Gjesdal fekk tilslaget for 466 spd., med skjøte 26-9 same året. Den 10-10 same året, 1826, selde Sven Hansson desse 12 spand til Tørres Jespersion (34.). — Peder Larsson flutte så til Øvre Time. Dei fekk 11 barn. (Sjå om dei på Opstad 53.)

33. **Jon Torkelson Mauland** var son til Torkel Reiarson Mauland i Time og kona Kirsten Jonsdr. Han var f. 20-5 1804, d. 8-6 1869, gift 6-6 1830 med Berta Tolleivsdtr. Kvia (30. 4.), f. 7-2 1813, d. 22-7 1903. Jon kjøpte 16 sp. av Tolleiv Olson i 1830 for 655 spd. + følge. Jon Torkelson fekk $\frac{1}{2}$ sp. av Lode (Lode-ronga?) i 1859 og lét frå seg $\frac{1}{2}$ spand til Sven Torstenson (Anestad?) i 1857. — I 1893 åtte Anton Svenson og Torsten Svenson Anestad ein part kvar i Kvia av skuld 10 øre. Lnr. 9 og 10. Jon og Berta Kvia hadde 11 barn:

1. Torkel, f. 13-1 1835, gift 1) 5-3 1863 med Berta Taletta Larsdr. Øksnevad, gift 2) med Johanne Knutson i Stavanger. — Torkel var møbelsnikker i Stavanger.
2. Tolleiv Jonson Kvia, fødd 20-11 1832 (47.).
3. Ola, f. 14-4 1837, d. 16-4 1867, ugift.
4. Jon, f. 23-6 1839, gift 1-11 1866 med Berta Gjermundsdr. Varden i Ogna. Reist til USA. Seinare i Egersund. — (Sjå Djøseland 42.)
5. Tønnes Jonson Kvia, fødd 26-7 1841 (48.).

6. Benjamin Kvia, f. 11-11 1843 (49.).
7. Kirstine, f. 23-11 1846, gift 27-5 1869 med Ingebret Svenson Løge i Time.
8. Bertinius, f. 2-3 1849, d. 20-10 s. å.
9. Bertinius, f. 22-9 1850, d. i Amerika, gift med Karen Maria Toresdr., f. i Høle 1851.
10. Berta, f. 4-1 1854, d. 13-1 1855.
11. Berta, f. 4-6 1856.

34. Tørres Jespersion Næse var son til Jesper Torkelson Næse i Gjesdal og kona Malena Tørresdotter frå Taksdal i Time. Han var fødd på Serigstad i Time 1776, død på Kvia 13-6 1856, gift i Gjesdal 17-6 1804 med Taletta Torgesdr. Skorve, f. 1785, d. 28-8 1871, dotter til Torger Olson Skorve i Gjesdal og kona Berit Davidsdr. Tørres kjøpte dei 12 sp. i Kvia av Sven Hansson Oftedal i 1826 for 466 spd. + følge til Lars Pederson og Helga Rasmusdotter. Dei hadde 11 barn, men berre 2 var fødde på Kvia:

1. Berta Karina, f. på Taksdal 6-1 1805, gift med Lars Olson Eikeland (Vigre 43.).
2. Jesper Tørresson Varhaug, f. på Næse 1806, gift med Anna Kirstina Olsdr. Sør-Varhaug (sjå der 85.).
3. Malena, f. 1809, gift med Sivert Knutson Kvia (38.).
Anna Maria, f. 1811.
4. Taletta Maria, f. 1813, gift 6-4 1843 med Rasmus Olson Sør-Varhaug (sjå der 88.).
5. Elen Sofia, f. 1815.
6. Torger, f. 1817, død ung.
7. Olina, f. 1819, gift 4-4 1848 med Ola R. Bø (Bø 100.).
8. Tobias Tørresson Kvia, f. 1821 (sjå 39.).
9. Anna Maria Tørresdr., f. 1811, gift 7-11 1861 med enkjem. Peder Eliasson Djøseland i Varhaug (sjå der 35.).
10. Judithe Kristine Tørresdr., f. 1825, gift med Rasmus Rasmusson Bø (Bø 87.).
11. Tabitta Tørresdr., f. (1832?), gift i Stavanger 10-11 1864 med Adne Osmondson Fosse, bygningsmann i Stavanger.

35. Abraham Olson Rongen var son til Ola Torstenson Kongvaren under Tjemsland i Varhaug (S. Tjemsland 28. 1.). Han var fødd 28-11 1794, død 2-1 1858. Gift 16-11 1824 med Ingeborg Salvesdr. Kanaheio, fødd 1802, død 30-9 1890 (sjå Opstad 50. 4.). Abraham var husmann på Rongen under Tørres Jespersion, bnr. 5. Han var truleg den første som busette seg på

Rongen, og var komen der i 1825. — Dei hadde 8 barn:

1. Salve Abrahamson Rongen, f. 9-1 1826 (40.).
2. Elisabet Abrahamsdotter, f. 17-8 1828.
3. Ola Abrahamson Rongen, f. 21-3 1831 (41.).
4. Lars Abrahamson d. e., f. 10-10 1834 (sjå Ånestad, Varhaug 88.).
5. Grete Abrahamsdr., f. 19-2 1838, gift med Jon Mikal Monsson Ånestad i Varhaug (sjå der 83.).
6. Ingeborg Elisabet Abrahamsdr., fødd 29-10 1841, gift med Lars Gabrielson Frøyland (sjå Ånestad 89.).
7. Abraham Abrahamson, f. 13-11 1845, gift med Grete Maria Gabrielsdotter Malmeim, f. 1848, gift 2) 21-4 1875 m. Karen Bergitte Svensdr. Hindberg, f. i Haugesund 1852. Han var slaktar i Stavanger.
8. Lars Abrahamson, f. 31-1 1849, gift m. Karen Petrine Kristiansdotter Sundal, f. i Høgsfjord. Han og var slaktar i Stavanger.

36. Ingebret Larsson Rongen var son til Lars Torkelson Nor-Halleland i Varhaug (sjå der 18. 4.). Han var fødd 2-12 1798. Gift 4-12 1834 med Anna Tollaksdotter Skjærpe, fødd 14-2 1810 (Skjærpe 20. 1.). Ingebret var husmann under bnr. 7, Siver Knutson. Dei hadde 8 barn:

1. Lars Ingebretson Rongen, f. 3-7 1835 (43.).
2. Taletta Ingebretsdr., f. 25-8 1838, gift 12-11 1863 med Ola Olson Lura (sjå Folk på Sandnes nr. 982).
3. Tobias Ingebretson Rongen, fødd 18-1 1842 (42.).
4. Anna Kirstina Ingebretsdr., fødd 1-10 1843.
5. Jonas Ingebretson, fødd 9-11 1846, gift med Marta Petersdotter Stoplemøyren, f. i Vikadal, syster til Syneva Skjærpe (33.). Jonas var sjømann og budde i Stavanger.
6. Elisabet Ingebretsdr., f. 18-3 1848, gift 15-12 1902 med enkjemann Sven Tønnesson Bø, Næsheim (sjå Lode 76.). Elisabet sine barn var: 1. Enok Larsson, f. 9-6 1866, gift i Stavanger 24-4 1892 med Maria Erland. Budde i Stavanger, — gift 2) med Berta Elisabet Torsdr. Mæland, f. i Skjold eller Vats.
2. Lars Larsson, f. 15-8 1878, gift med Karen Kirstina Ole-Johannesdr. Erga. I USA.
7. Rasmus Ingebretson, f. 1-6 1851, d. 28-10 1860.
8. Ingebret Ingebretson, f. 12-5 1854.

37. **Sivert Svenson Rongen** var son til Sven Svenson Mong i Eigersund. — Han var fødd 1822, død 28-9 1901, gift 4-7 1850 med Gjertrud Maria Olsdotter Bø, f. 7-8 1817, d. 26-3 1894 (Bø 74. 1.). Siver var husmann under bnr. 7. Han var ”koppe-doktor”. Dei hadd 5 barn:

1. Sven Siverson, f. 13-4 1851, gift i Stavanger 20-2 1876 med Anna Pedersdr. Orstad. Budde i Stavanger.
2. Nils Olaus, f. 26-12 1852, d. i Kristiansand. Bakar. Ugift.
3. Bertinius Siverson, f. 21-11 1854.
4. Karl Siverson, f. 17-6 1858 (hans sone-son: Thomas Quiea, Watertown, Conn., USA, omkom på sjøen i 1931).
5. Maria Siversdr., f. 8-11 1863, d. 20-10 1864.

38. **Sivert Knutson Kvia**, son til 31., f. på Bjorhaug 24-1 1804, d. 20-3 1885, gift 30-8 1831 med Malena Tørresdr. Kvia (34. 3.), f. i Gjesdal 1809, d. 27-3 1884. — Sivert kjøpte 8 sp. av faren i 1835 for 300 spd. Dei fekk 10 barn:

1. Malena, f. 21-3 1832, gift 7-11 1853 med Nils R. Bø (Bø 101.).
2. Taletta Kristine, f. 3-12 1833, gift 14-4 1857 m. Tobias Torkelson på Sandnes (sjå Folk på Sandnes nr. 1470).
3. Maria, fødd 10-1 1836, gift 1859 med Ola Svenson Ånestad (sjå Ånestad, Varhaug 65. 5.).
4. Kristian Kvia, f. 18-7 1838 (51.).
5. Tobias Kvia, f. 4-10 1840, gift med Ingeborg Osmundsdr., f. i Sand 1844. Sjømann, seinare busett i Amerika.
6. Lars, f. 21-12 1842, gift 14-5 1871 med Elise Sofie Sivertsen, f. i Grimstad 29-1 1850. Han var bakar i Grimstad.
7. Sem Sivertson, f. 4-1 1845. Skipper og ugift.
8. Taletta Justine, f. 24-9 1847, gift med Bertel Bellesen. — Handelsmann og bonde på Madla.
9. Torger Sivertson, f. 19-4 1850, gift 24-2 1893 med Tabitta Ødemotland (Ødemotland 14. 2.). — Skipper og bonde på Madla.
10. Ola, f. 5-3 1853, d. 7-8 s. å.

39. **Tobias Tørresson Kvia** son til 34., f. i Gjesdal 1821, d. 17-12 1893, gift 3-4 1845 med Karen Gurina Karlsdr. Haugamork, f. 1825, d. 2-3 1894, dotter til Karl Simonson Haugamork i Gjesdal og kona Guri Olsdr. Eikeland. Tobias kjøpte 12 sp. av faren i 1846 for 600 spd. Han var truleg den første som rådde seg frukthage i Nærbø. Kan henda står ennå aplar på Kvia som han planta. Dei fekk 6 barn:

1. Taletta Kristina, f. 20-3 1846, d. 3-8 1877, ugift.
 2. Tørres Kvia, f. 16-7 1848 (57.).
 3. Karl Kvia, f. 25-11 1851 (58.).
 4. Jens Tobias, f. 8-7 1855 (sjå Haa 8., Motland 29.).
 5. Guri, f. 1-12 1858, gift med Rasmus Anestad (Kvia 59.).
 6. Kornelius Kvia, f. 6-6 1864 (sjå Njærheim 132.).
40. **Salve Abrahamson Rongen**, son til 35., f. 9-1 1826, d. 4-1 1902, gift 1) 3-7 1849 med Olina Johannesdtr. Odland i Varhaug, f. 26-11 1830 (Odland 48. 4.), **gift** 2) 27-6 1888 med Grete Jonasdtr. Helvig, f. 1852, d. 10-3 1901, dotter til Jonas? Salve var ein omflakkande mann. Han budde på Rongen då Iste barnet var født, men frå 1852 til 1871 budde han på ymse stader i Varhaug. I 1873 var han komen tilbake til Rongen og vart buande der til han døde. Han hadde 8 barn i første gifte og 3 i andre:
1. Elen Gurina, f. på Rongen 11-12 1849, d. 3-12 1877, ugift.
 2. Anna Elisabet, fødd på Odland 15-7 1852, gift med Mathias Kristianson Fosen (frå Bjoa?).
 3. Johannes, fødd på Sør-Varhaug 4-12 1854, gift m. Karina frå Karmøy. Budde på Eide i Stangeland på Karmøy.
 4. Ingeborg Serina, f. på Skretting 25-2 1859, gift 19-11 1886 med Enevald Olson Rosseland, f. i Time 1-10 1863. Han var banevaktar på Ganddal.
 5. Anna Kirstina, f. på Skretting 30-4 1863, gift 1-3 1888 med Gabriel Bendikson Austrått. (Bind II Austrått 96. B.)
 6. Ola, f. på Djøseland 6-8 1868. Reist til Amerika.
 7. Ingeborg Malena, f. på Primstad 11-6 1871, gift med Rasmus (frå Børaholen under Re?). Reist til Amerika.
 8. Anna Malena, f. på Rongen 9-7 1873, gift med Øverland i Amerika.
Av andre gifte:
 9. Gurine Malena Salvesdtr., f. 2-2 1892.
 10. Abraham Salveson, fødd 7-7 1893, død 25-12 1893.
 11. Alida Salvesdtr., f. 2-10 1894, gift med Magnus Skår, Stangeland på Karmøy.
41. **Ola Abrahamson Rongen**, bror til 40., var husmann under bnr. 5. Han var fødd 21-3 1831, død 10-12 1904. Gift 1) 17-11 1854 med Elen Kirstina Johannesdotter Odland, fødd 2-12 1835, død 16-10 1881 (sjå Odland, Varhaug 48. 5.). Gift 2) 1-11 1882 med Anna Olina Olsdotter Reiestad, fødd 21-5 1861, død i Stavanger (sjå Reiestad, Varhaug 32. 1.). Han hadde 3 barn i første gifte og 4 i andre:
1. Andreas Ingvald Olson, f. 14-2 1858, gift i Stavanger 13-9 1885 med Olina Serina Isaksdtr. Høyland, f. 19-8 1862 (Høyland 118 2.). Han var murar i Stavanger.
 2. Johannes Olson, f. 2-4 1861, gift med Tomine?
 3. Ola Olson, f. 15-7 1867, gift 10-2 1907 med Anna Olsdtr. Time, fødd Nygård (1865?) (Eivindshodl?). — Budde på Mollhau, Time. Han var smed.
 4. Elen Kirstina Olsdtr., f. 8-8 1883, gift 15-1 1905 med Halvard Johan Ivarson Kleppe.
 5. Inger Serina Olsdtr., f. 28-3 1885.
 6. Anna Kirstina Olsdtr., f. 7-7 1887.
 7. Ingeborg Elisabet Olsdtr., f. 1-12 1889, gift 3-1 1909 med Ingebret Olai Ivarson Kleppe.
42. **Tobias Ingebretson Rongen**, son til 36., fødd 18-1 1842, død 22-9 1931. Gift 24-3 1867 med Karen Berte Hansdotter Primstad, fødd 30-10 1845, død 14-10 1914 (Primstad, Varhaug 10. 6.). Tobias Ingebretson var husmann under bnr. 7, men løyste inn plassen i 1903. — Dei hadde 9 barn:
1. Johanna Tobiasdtr., f. 10-8 1867, d. 21-12 1876.
 2. Ingebret Rangen, f. 13-1 1870, gift med Julianne Grannes, f. i Tjersland, Vanse 1873. Dei var busette i USA. (Sjå Store Håland 28. 2.)
 3. Anna, f. 26-9 1874, d. 4-11 1875.
 4. Hans Rangen, f. 13-4 1872, d. i USA. Gift med ei enkje.
 5. Anna Johanna Rangen, f. 16-1 1879, gift 22-11 1913 med Andreas Jon-Mikalson Anestad (Skrettingland 36.).
 6. Tønnes Rangen, f. 7-11 1876 (Bø 151.).
 7. Rasmus Rangen, f. 22-3 1881, gift i USA m. (stykdatter til broren Hans?). Ein son, Joseph Rangen, er eller har vore prest i Fargo, N. Dakota.
 8. Karen Berte Rangen, f. 12-9 1884, d. 29-9 1965, gift 25-8 1908 med snikker Omund Halvardson Søndena, Sauda.
 9. Helmik Rangen, f. 14-5 1885 (nr. 70).
43. **Lars Ingebretson Rongen**, bror til 42., var fødd 3-7 1835, død 12-7 1914. Gift 1) 19-10 1871 med Berta Elisabet Ingebretsdatter Efjestad, fødd 23-8 1841, død 15-8 1873 (Efjestad 53. 5.). Gift 2) 14-10 1875 med Anna Svendsdotter Voll, fødd 3-2 1852, død 7-6 1922 (Voll 80. 8.). Lars Ingebretson kjøpte plassen av Siver Knutson Kvia

i 1870 for 200 dalar. Han hadde 4 barn i andre gifte:

1. Ingebret Larsson Rangen, f. 20-8 1876 (68.).
2. Berta Elisabet, f. 11-1 1878, d. 6-1 1914, ugift.
3. Sven Rangen, f. 13-9 1880, gift med Elen Olsdtr. Djøseland, f. 25-3 1880 (sjå Hobberstad i Varhaug 56.).
4. Lars, f. 13-5 1886, død i Klepp, ugift.

44. Elling Ellingson Rongen var son til Elling Asbjørnson Herigstad i Varhaug og Rakel Ellingsdtr. (Herigstad 39. 3., Valdeland 9. 5.) Han var f. 17-12 1840, d. 25-6 1923, gift 24-8 1875 med Sille Justine Helgesdtr. Djøseland, f. 18-5 1846, d. 21-12 1923, dotter til Helge Svenson Djøseland i Varhaug og kona Marta Larsdtr. (Djøseland 34. 5.). Sille var syskenbarn til første kona hans Lars Ingebretson, og Elling var syskenbarn til andre kona hans. — Han sette seg ned som husmann under bnr. 7. Løyste inn plassen av Mikal Isakson i 1902. Han hadde 5 barn:

1. Rakel Maria, f. 1-2 1876, gift 4-12 1903 m. enkjemann Andreas Pederson Sør-Reime (S-Reime 41.).
2. Helmik, f. 3-4 1878.
3. Enevald Rangen, f. 22-9 1880 (69.).
4. Seline Justine, f. 18-3 1883, gift 5-4 1907 med enkjem. Bertel Andreasson Salte (Ueland 83.).
5. Anton Kvía, f. 11-10 1887, gift med enkje Margreta Isaksdtr. Salte. Budde på Hestholen av Salte.

45. **Gabriel Torjusson Røderullen** — (sjå Næsheim 88.), kom truleg til Røderullen ikring 1850, kanskje alt i 1848. Ved skifte etter første kona, Karen Larsdotter 4-12 1850, vart han tilkjend alle husa på Røderullen, bustadhus, løda, fjøs og kvernhus, for 90 spd. Han vart gift 2) 14-11 1850 med Kristine Sivertsdtr. Håland, f. 8-4 1814, død på Haugland 30-4 1900, dotter til Kirsten Larsdotter Håland og Sivert Svenson Risa. Gabriel har truleg byksla plasset etter Einar Asbjørnson som døde i 1846. I 1854 flutte han til Berget under Gausland, — og sonen Tobias tok over bykselen av Røderullen. Gabriel fekk 2 barn i andre gifte:

1. Karen Maria, f. 22-5 1851, gift 6-10 1871 med Lars Jonasson Bø (Bø 116.).
2. Kristine, f. 1-4 1854, gift 17-10 1887 med Olai Olson Langholen, Njå under Nedre Haugland i Time, f. 9-11 1854 (Tamburen).

46. **Tobias Gabrielson Røderullen, son til**

45., f. på Næsheim 20-9 1833, d. i Sveio 2-12 1918, gift 5-11 1850, 17 år gamal, ei veke før faren gifte seg andre gongen, med Gunvor Kvía, f. 31-12 1821, d. 28-10 1886, dotter til 30. — Det er truleg at Tobias har fenge plassen av verbroren Jon Torkelson før 1875. Han åtte då Lnr. 83 d., 83 e. og 79 c. Det siste var ein part av det som Jon Torkelson hadde kjøpt av Lars Olson Lode i 1857 (sjå Lode 54.). Plassen fekk seinare bnr. 3 og 4. I 1885 gav han frå seg plassen til sonen Tolleiv og kjøpte ein plass på Bø (sjå der 140.). Tobias fekk 9 barn:

1. Karen, f. 26-8 1851, d. 3-10 s. å.
2. Tollef Røderullen, f. 24-10 1852 (65.).
3. Gabriel, f. 27-10 1854, d. 17-11 s. å.
4. Karen, f. 12-11 1855, d. 1-4 1897, ugift.
5. Gabriel Kvía, f. 3-1 1857 (66.).
6. Berta, f. 20-6 1858, d. 26-1 1859.
7. Benjamin, f. 24-2 1860. Skomakar i Stavanger.
8. Tønnes, f. 17-8 1861, d. 26-8 s. å.
9. Grete, f. 22-4 1863, d. 10-10 1864.

47. Tolleiv Jonson, son til 33., fødd 20-11 1832, gift 5-5 1863 med Kirstine Hansdtr. Reime, f. 7-11 1842 (Reime 37. 1.). Tolleiv kjøpte halve bruket av mora i 1872 for 500 spd. + y2 folge (bnr. 1). I 1875 kjøpte Tolleiv Asbjørnson Undheim, Risa, dette bruket, — og Tolleiv Jonson flutte til Stavanger. — Eg veit ikkje kor mange barn dei hadde, men 3 var fødde på Kvía:

1. Berta, f. 19-11 1863. Reist til Amerika.
2. Kirsten Teresia, f. 17-7 1869, gift 15-9 1900 med Peder Olson Buene, f. på Talge 1869.
3. Justine Tomine Olava, f. i Stavanger 18-11 1871. Reist til Amerika. Desse var fødde i Stavanger:
4. Taletta, gift med Gunder Gunderson. Amerika.
5. Hans, d. i Stavanger, ugift.
6. Tolleiv, d. i konfirmasjonsalderen.
7. Arnt. — Amerika.

48. Tønnes Jonson, bror til Tolleiv, f. 26-7 1841, gift 1) 19-4 1877 med Grete Maria Nilsdtr. Fosse, f. 19-4 1854, d. 23-7 1884, — gift 2) 26-2 1885 med Hanna Serina Hobberstad, f. 24-4 1844, d. 18-1 1890, dotter til Peder Jonson Hobberstad i Varhaug (sjå der 41. 4.), gift 3) 23-10 1890 med Elisabet Serina Svendsdtr. Erga, f. 21-11 1850. Tønnes kjøpte halve bruket, bnr. 2, med ein part av Lode-ronga, av mora i 1872 for 500 spd. + Vz folge. Kring 1892 selde han til Tobias Olson Lende og flutte til Stavanger. — Han hadde visst

berre ein son i første gifte som vaks opp:
Jon, f. 23-4 1878. Gift og budde i Stavanger.

49. **Benjamin Jonson**, bror til Tolleiv og Tønnes, f. 11-11 1843, d. 5-1 1908, gift 4-10 1876 med Karen Malena Monsdtr., f. i Time 2-11 1846, d. 5-12 1931, dotter til Mons Monsson Line og kona Anna Kirstina Gjermundsdr. frå Voll i Varhaug. — Benjamin var skreddar og brukte eit stykke av farsgarden, som ennå i 1906 låg under bnr. 2, men seinare fekk bnr. 17. I 1934 kjøpte Jørgen Bø dette stykke (Bø 130. 7.). — Benjamin Kvia hadde 5 barn:

1. Berta, f. 17-8 1877, d. 19-1 1926.
2. Anna Kirstina, f. 14-6 1879, d. 25-6 1883.
3. Anna Kirstina, f. 24-6 1883, gift m. Enevald Opstad (Bø 149.).
4. Jon Kvia, f. 29-3 1886, d. i Amerika 15-4 1857, ugift.
5. Tilla Kvia, f. 17-5 1888, d. 8-9 1967, var skreddar på Nærbo. Son: Øystein Kvia, gift med Agnes Svensen. Han omkom på sjøen i krigsåra.

50. **Rasmus Jensson Høneland** (sjå Ødemotland 12. 6.), f. 17-12 1838, gift 5-7 1866 m. Anna Olsdtr. Tjemsland, f. 26-12 1845, d. 3-2 1929, dotter til Ola Olson Nord-Tjemsland i Varhaug og kona Ane Berte Larsdtr. (N-Tjemsland 33. 1.). — Rasmus var husmann på Kvia-Jero under bnr. 5. Han var skomakar og hadde 8 barn:

1. Ola, f. på Tjemsland 18-9 1866, d. 22-4 1882.
2. Elen, f. på Høneland 3-8 1868, gift 9-8 1901 med Elias Eivindson Høyland (Høyland 154.).
3. Anne Berte, f. 28-9 1870 på Høneland, d. 1-9 1879.
4. Johan, f. på Høneland 6-3 1873 (sjå Ødemotland 22.).
5. Rasmus, f. på Kvia 14-12 1875, d. 1-1 1883.
6. Andreas, f. 21-11 1879, d. 20-3 1889.
7. Ola R. Kvia, f. 9-10 1883 (73.).
8. Rasmus, f. 22-5 1886, d. 14-9 1900.

51. **Kristian Sivertson Kvia**, son til 38., f. 18-7 1838, d. 18-1 1907. Han kjøpte farsgarden, bnr. 7, av faren i 1869. Kristian dugde lite til gardbrukar. Han var bygningsmann og let garden skytta seg sjølv. Så vart han gripen av ideen om perpetuum mobile og dreiv og eksperimenterte med den mange år. Og så gjekk det som ein måtte venta: Bankane tok garden, som vart seld til Tobias Lende i 1883. Kristian

hadde nok drive ein liten landhandel og på Kvia. Etter at han kom frå Kvia budde han på Nærbo stasjon som bygningsmann og handelsmann, og heldt på med å arbeida med "evighedsmaskina". Dei siste leveåra dreiv han med litt fiskehandel. Han var ikkje gift.

52. **Tolleiv Asbjørnson Undheim** (sjå Risa 78.), kjøpte bnr. 1 av Tolleiv Jonson for kr. 1875.00. For kr. 1880.00 selde han til Just Lende, og flutte til Undheim. Just selde straks etter til Ola Jonasson Lende, som selde att til Samuel Erga og flutte til Garborg. Korkje Just eller Ola Lende hadde flutt til Kvia. Just var lærar og klokkar i Nærbo og budde på Motland.

53. **Samuel Gabrielson Erga** var son til Gabriel Olson Gruda i Klepp og kona Berta Halvardsdr. og bror til Hans og Gabriel Gruda på Bø (Bø 98. og 93.). Han var f. 5-2 1829, d. 9-1 1911, gift 13-11 1865 med Marta Maria Svensdtr. Erga, f. 3-2 1833, d. 1-6 1878, dotter til Sven Olson Erga i Klepp og kona Anna Elisabet Rasmusdtr. Samuel budde nokre år på Erga. I 1881 kjøpte han bnr. 1 på Kvia av Ola Jonasson Lende med skjøte frå Tolleiv Asbjørnson, for 6000 kroner. Samuel fekk 2 barn som begge var fødte på Erga:

1. Gabriel Anton Kvia, f. 18-12 1866, d. 7-5 1947, gift 5-11 1892 med Marta Mossige, f. 15-3 1871. Budde på Figgjo.
2. Sven Kvia, f. 11-8 1869, d. 23-4 1961, ugift. Sven Kvia tok over bnr. 1 etter faren i 1892. — Då han var død gjekk garden til brorsbarna hans på Sandnes.

54. **Tobias Nilsson Orstad** (sjå Bø 106.), byksla Bekken på Rongjo av Kristian Sivertson i 1878. Sonen

55. **Reinert Kvia**, tok over plassen i 1902, — som han då kjøpte av Mikal Motland (63.). Sidan reiste han til Amerika, og

56. **Hans Mikal Eivindson Risa** tok over plassen (Risa 94 .1.). Han var fødd 12-7 1874, død 14-3 1968. Gift 7-4 1897 med Taletta Olava Tobiasdtr. (dotter til 54.), fødd på Bø 28-8 1873, død 25-7 1963. Hans Risa har drive som kontraktør eller entreprenør på anlegg og kanalarbeid. Etter siste krigen gjekk sønene igang med maskinelt utstyr og har sidan skipa entreprenør-firma Brødrene Risa. — Hans og Taletta har 10 barn:

1. Tilla Regina Risa, f. 23-10 1892, gift 15-4 1915 med Gabriel Gabrielson Pollestad (sjå Høyland 137. 9.).

2. Theodor Risa, f. 7-2 1895, gift 1914 med Maria Goa i USA.
 3. Eivind Risa, fødd 5-2 1898, gift med Jorina Egeland Salte.
 4. Maren Sofia Risa, f. 31-10 1899, gift m. Lars Gnerius Georgson Høyland.
 5. Martin Risa, fødd 6-6 1903, gift med Edith. Busett i Amerika.
 6. Rakel Risa, f. 30-1 1907, gift 15-5 1926 med Alfred Larsson Undheim, f. 10-6 1901.
 7. Teresia, f. 14-7 1909, gift 17-9 1938 med Thorvald Bø (Bø 132. 6.).
 8. Tobias Risa, f. 5-9 1911, gift 3-5 1947 med Mally Mellestrand, f. i Ognå 14-9 1921. Brukar no Rongen, bnr. 14.
 9. Håkon Olaus Risa, f. 31-8 1913, gift med Kari Gjesdal. — Bur på Urheia, Nærbø stasjon.
 10. Georg Risa, f. 28-12 1915, gift 29-10 1949 med Gerd Sandsmark, fødd i Heskestad 17-12 1921. Bur på Urheia.
57. Tørres Tobiasson Kvia, son til 39., f. 16-7 1848, d. 4-6 1891, gift 3-9 1879 med Margreta Tønnesdr. Gudmestad, fødd i Stavanger 1856, d. 24-8 1931 (sjå Gudmestad 37. 2.). Tørres kjøpte halve farsgården, heimebolet, bnr. 5, i 1878, for 1500 kroner + y2 følge. Då han var død dreiv enkja garden mange år, til sonen Tobias tok over. — Dei fekk 6 barn:
1. Tobias T. Kvia, f. 13-5 1880 (71.).
 2. Tønnes, f. 12-3 1882, død same dagen.
 3. Tønnes Kvia, f. 9-3 1883, gift 1) 26-9 1925 m. enkja Berte Undem, f. Skjærpe 13-3 1880 (Skjærpe 35. 3.), gift 2) 1945 med Thea Tjåland. Han bur på Tunheim (sjå Gudmestad 55.).
 4. Trygve Kvia, f. 1-4 1884, d. 30-7 1960, gift i Montana 3-11 1907 med Sofia Rimestad, f. 27-2 1884 (Rimestad 58. 6.). Var nokre år i Montana. Seinare slaktar på Nærbø.
 5. Karen Gurina, f. 7-9 1886, gift 19-10 1907 med Søren Ødemotland (Ødemotland 21.).
 6. Birger Kvia, f. 21-11 1888, gift 28-8 1908 med Hanna Regina Hansdotter Primstad. Bur på Primstad i Varhaug (Primstad 19.).
58. Karl Tobiasson Kvia, bror til Tørres, f. 25-11 1851, d. 11-2 1889, ugift. Karl kjøpte den andre halve parten av faren, bnr. 6, i 1878, for 1400 kroner + y2 følge. Då han døde i 1889 tok verbroren, Rasmus Ånestad over bruket.
59. Rasmus Hansson Ånestad var son til Hans Svenson Ånestad i Varhaug og kona
- Ingeborg Rasmusdotter (Ånestad 77. 2.). Han var f. 2-7 1859, d. 29-2 1912, gift 1) 9-6 1887 med Guri Tobiasdr. Kvia (39. 5.), f. 1-12 1858, d. 30-6 1889, gift 2) 9-4 1897 med Karen Lotte Lende, f. 1-4 1871, d. 5-5 1933, dotter til Tore Larsson Lende i Time og kona Olina Olsdr. Rasmus tok over bnr. 6 etter Karl Tobiasson i 1893. Han fekk 2 barn i første gifte og 7 i andre:
1. Hans Ånestad, f. 25-8 1887 (76.).
 2. Tobias Ånestad, f. 16-12 1888, gift 14-9 1935 med Gudrun Edland, f. 2-4 1898 (Bø 126. 9.).
 3. Ingebjørg Gurine, f. 11-3 1898, gift 24-7 1924 med Otto Gudmestad (Næsheim 114. 5.).
 4. Olina, f. 29-3 1899, gift 5-11 1920 med Sigurd Romslo, f. i Helleland, d. 1942. Telegrafist på Nærbø.
 5. Anna, f. 1-5 1900, død ugift.
 6. Tora, f. 18-11 1901. Sjuke-syster.
 7. Anton, f. 20-5 1903. Bur på Kvia.
 8. Ragnar, f. 29-6 1905, gift med Tora Motland.
 9. Karen, f. 4-10 1907, gift 13-11 1937 med Peder O. Kvia (72. 3.). Bur på Horpestad i Klepp.
60. Tobias Olson Lende var son til Ola Toreson Lende i Time og kona Asselina Svensdr. Han var f. 30-3 1852, d. 23-7 1932, gift 1) 29-3 1883 med Berta Olsdr. Vigre, f. 19-1 1855, d. 23-7 1894 (Vigre 48. 1.), gift 2) 30-6 1896 med Berta Serina Tollaksdr. Eikeland, f. i Ognå 29-1 1847, d. 25-2 1909, dotter til Tollak Svenson Eikeland Aua og kona Ingeborg Roaldsdr. — Tobias kjøpte bnr. 7 av Kristian Sivertson i 1883. 1 1892 selde han til Garman Hodne og kjøpte att bnr. 2 av Tønnes Jonson. Han fekk 5 barn i første gifte:
1. Ola T. Kvia, f. 5-4 1885 (72.).
 2. Olaus, f. 16-6 1886. — Han reiste til Montana, der vart han sjuk, kom heim og døde 1-4 1906.
 3. Anna, f. 22-4 1888. Bur på Nærbø, ugift.
 4. Ingeborg, f. 7-1 1891. Ugift.
 5. Andrea, f. 4-5 1893. Ugift.
61. Garman Gabrielson Hodne var son til Gabriel Ellingson Hodne i Klepp og kona Ragnhild Pedersdr., f. 6-3 1863, gift med Karen Taletta Toresdr. Friestad, f. 2-2 1872. Garman kjøpte bnr. 7 av Tobias Lende i 1892. I 1894 selde han til Karl Frøyland. Ei dotter var fødd på Kvia: Ragna, f. 8-1 1894.
62. Karl Gabrielson Frøyland var son til Gabriel Larsson Frøylands Brekko i Time og kona Ingeborg Torgersdr. Han var f.

21-2 1849. — Kjøpte bnr. 7 av Garman Hodne i 1894. Same året bytte han med Mikal Motland i bnr. 1 på Motland. Han selde Motland til Maria Kvia og flutte til Kruso i 1895. — Gift 22-4 1887 med Berta Kirstina Gunnarsdtr. Rimestad, f. 1858, død på Re 13-6 1908.

63. Mikal Tobias Isakson Motland (sjå Motl. 23.), f. 26-4 1831, d. 15-5 1900. Han bytte til seg bnr. 7 på Kvia mot bnr. 1 på Motland med Kari Frøyland i 1895.

64. Isak Mikalsen Motland, son til 63., f. 12-10 1873, d. 26-12 1939. Gift med Malene Kristoffersdatter Heigrestad, fødd i Eigersund 13-1 1879, d. 1956, dotter til Kristoffer Stefanson Heigrestad og kona Siri Pedersdtr. frå Helvig. Isak var nokre år i Amerika, men kom heim og tok over bruket etter faren i 1897. I 1919 selde han til Peder Håland og budde sidan ymse stader. Både han og kona døde på Nærbo stasjon, der dei hadde teke over huset etter systera, Kirsten Malena Sør-Reime. Dei hadde ein son:

Trygve Motland, f. 5-12 1907, d. 24-6 1944, gift 23-12 1933 med Mary Versland, f. i Amerika 13-3 1913.

65. Tollef Tobiasson Røderullen, son til 46, fødd 24-10 1852, død 26-12 1929, gift 31-10 1895 med Elisabet Ånestad, fødd på Næsheim 14-8 1854, død 29-8 1931 (Næsheim 101 og Ånestad 86. 1.). — Tolleiv brukte Røderullen saman med faren ei tid, og frå 1885 åleine. Dei var barnlause.

66. Gabriel Tobiasson Kvia, var bror til 65, fødd 3-1 1857, død 21-4 1933, gift 1) med Gunla Olsdotter frå Hægebostad. Gift 2) 23-4 1913 med Sina Olsdotter Sveen, fødd i Sveio 17-9 1884, dotter til Ola Olson Sveen og kona Marta Serina, f. Sveen. Gabriel Kvia budde mange år i Sveio, der han hadde gard. I 1930 kom dei til Røderullen og tok over bruket etter Tollef og Elisabet. Då Gabriel var død selde enkja garden til Jon Primstad, som straks etter selde til Tor Moe. Ingen av desse budde på Røderullen, og Tor Moe selde til Ingvald Hognestad. Gabriel og Sina Kvia sine barn:

1. Tobias Kvia, f. i Sveio 21-12 1914, død på Røderullen 1937.
2. Martha Kvia, f. i Sveio 25-6 1916, gift 31-12 1947 med Anders Norstø, f. i Egersund 28-2 1898, død 29-8 1960. — Han var banksjef i Nærbo Sparebank.
3. Gunvor Kvia, f. i Sveio 18-3 1919, d. 25-6 1930.

Sina Kvia kjøpte hus på Nærbo, bnr. 106 på Bø-grunn, i 1938, der ho bur saman med dottera Marta Norstø.

67. Gabriel Rangen, son til Malena Abrahamsdtr. Tvihaug og Elias Abrahamson Voll. Han var fødd på Tvihaug 10-6 1872, død 8-2 1957. Gift 3-5 1896 med Grete Maria Motland, fødd 12-4 1873, død 16-2 1948 (sjå Sør-Reime 31. 3.). — Gabriel byksla Rongen av Mikal Motland i 1898 etter Siver Svenson. — I 1902 fekk han skjøte på parten, bnr. 11, av Isak Motland. — Dei hadde 7 bam:

1. Sem Rangen, fødd 24-9 1896, gift med Olivia.
2. Kristian Magnus Rangen, f. 5-5 1899, gift med Guri Edland (sjå Bø 169.).
3. Grete Gurine Rangen, f. 31-12 1901, gift m. Rasmus Reime (sjå Reime 71.).
4. Andrea Rangen, f. 28-3 1904, d. 12-10 1969, gift 1929 med Rasmus Kluge, f. i Klepp 13-8 1892. Bonde på Frøyland i Time.
5. Gudrun Rangen, f. 22-2 1906, gift med Helge Sandsmark i Heskestad.
6. Gustav Rangen, f. 22-3 1912 (sjå 80.).
7. Mildrid Rangen, f. 13-11 1916, gift 1944 med Magnus Skrettingland, f. 2-4 1917. Bonde på Odland i Varh. (Odland 77.).

68. Ingebret Larsson Rongen, son til 43. Fødd 20-8 1876, død 22-1 1937. Gift 26-1 1898 med Asselina Olsdotter Djøseland, fødd 29-1 1868, død 2-6 1948 (Djøseland 49. 1.). — Ingebret tok over bnr. 8 etter faren. Dei hadde 7 barn:

1. Anna Ingebretsdtr., f. 10-10 1898, gift med Ole Omundson Hetland i Ogna.
2. Karen Rangen, f. 10-11 1899, gift 15-4 1926 med Oskar Jonasson Årsland i Varhaug (sjå der 39. 1.).
3. Laura Rangen, f. 13-3 1902, død.
4. Olga Rangen, f. 23-8 1904, d. 1932, gift 26-3 1927 med Lars Pederson Primstad i Varhaug (sjå der 17. 7.).
5. Andrea Rangen, f. 31-1 1907, ugift.
6. Ingeborg, f. 12-5 1909, d. 20-5 1925.
7. Lars Ingebretson Rangen, f. 1-6 1910 (81.).

68B. Johan Rasmusson Kvia, son til 50. Fødd på Høneland 6-3 1873. Han brukte Jero, bnr. 19, ei tid. I 1909 kjøpte han ein part på Ødemotland (sjå der 22.).

69. Enevald Ellingson Rangen, son til 44. Fødd 22-9 1880, død 28-8 1968. Gift med Augine Amanda Fuglestad, fødd i Ogna 6-5 1881, — dotter til Torger Torgerson Hadland (Torland) i Ogna og kona Inger

Omundsdr. Gravdal. Etter ei tid til sjøs og i Amerika tok han over Rongen, bnr. 12, etter faren. Dei hadde 3 barn:

1. Elling Rangen, f. 10-12 1911.
2. Torger Rangen, f. 22-11 1912 (79.).
3. Sigrud Justine Rangen, f. 19-9 1917, gift 14-11 1936 med Palle Pederson Håland i Varhaug (sjå der 96. 3.).

69B. Ole Kristianson Tvihaug (Tvihaug 33. 9.), f. 10-9 1868, gift 1908 med Anna Margreta Pedersdotter (sjå Refsland 14. 1.), fødd i Ognå 1875. Han åtte bnr. 16. Ikkje barn.

70. Helmik Rangen, son til 42., f. 14-5 1887, d. 9-11 1964, gift 4-11 1918 med Berta Kirstina Sør Reime, f. 2-7 1886, d. 1-12 1936 (S-Reime 35. 6.). Han tok over bnr. 13 etter faren i 1913. Dei har 6 barn:

1. Karen, fødd 14-12 1919, gift 1946 med Rasmus Jonasson (Odland 69. 2.).
2. Rakel, f. 2-3 1921, gift 1948 med Tollef Larsson Nord-Varhaug (Nord-Varhaug 40. 6.)
3. Tobias, f. 12-3 1923.
4. Kristian, f. 25-11 1924, gift 1963 med Olga Kovacevic frå Jugoslavia.
5. Klara, fødd 15-5 1927, gift med Jens Andersen, Greåker.
6. Harald, f. 29-1 1932.

71. Tobias Tørresson Kvia, son til 57., f. 13-5 1880, d. 1964, gift 16-11 1900 med Dina Njærheim, f. 5-6 1876, d. 12-8 1942 (Njærheim 128. 1.). — Tobias lærde seg bygningshandverk i ungdomen. So var han nokre år i Montana på sauegjæting. Sidan kom han heim og tok over garden etter mora i 1908. Dei fekk 10 barn:

1. Tørres, f. 1-3 1901.
2. Margreta, f. 7-8 1902, gift 23-6 1928 m. Magnus Hansson Skretting (Skretting i Varhaug 111. 11.).
3. Dorthea, f. 30-11 1908. Sjukesyster.
4. Dagny, f. 12-3 1910, gift 8-10 1938 med Ingebret (Efjestad 61. 3.).
5. Olav Kvia, f. 30-8 1911, d. 2-3 1956, gift 20-9 1941 med Ingeborg Bakke, f. i Varhaug 15-10 1913. Han hadde teke over bruket (83.).
6. Torleiv Kvia, f. 26-1 1913, gift 25-11 1939 med Kirsten Njærheim, f. 1-11 1911. Han er murar. Bur på Kvia.
7. Tobias, fødd 21-4 1914, død 15-11 1943. Vart drepen av tyske soldatar på Nærbø.
8. Karen, f. 7-1 1916, gift 7-8 1944 med Torbjørn Nord-Varhaug.
9. Peder Kvia, f. 20-3 1920, gift 27-8 1944 med Karen Synøve Midflø, f. 22-10

1917. Snikkar på jernbanen. Bur på Urheia.

10. Gunhild, f. 29-1 1918, d. 30-11 1921.

72. Ola T. Kvia, son til 60. Fødd 5-4 1885, død 22-4 1943. Gift 11-8 1905 med Rakel Gurine Pedersdr. Reime, fødd 11-1 1888, død 24-11 1949 (sjå Stavnheim, Varh. 51. 1.). Ola tok over bnr. 2 etter faren. Dei fekk 15 barn:

1. Tobias O. Kvia, fødd 16-12 1905. — Han er ugift, tok over bruket etter faren i 1946. Han kjøpte Røderullen i 1945.
2. Berta O. Kvia, f. 28-7, gift med Albert Lyse. Busett i Oslo.
3. Peder Kvia, f. 14-6 1909, gift 13-11 1937 med Karen Anestad (sjå Kvia 59. 9.). Busett på Hognestad i Klepp.
4. Marta O. Kvia, f. 31-1 1911, gift med Ingvald Vigre (Vigre 66.).
5. Olaus O. Kvia, f. 20-2 1913, gift med Elisabet Våland, Varhaug.
6. Olav O. Kvia, f. 1-2 1915, d. 28-3 1947, gift med Ingeborg Lyse.
7. Randi Kvia, fødd 1-12 1917, gift med Bård Edland (Bø 161. 3.).
8. Sigrud Kvia, f. 1-12 1917, gift med Ivar M. Lode (Lode 84. 3.).
9. Ingrid O. Kvia, f. 12-11 1919, gift med Per Jonasson Hognestad. — Bur på Hognestad.
10. Otto O. Kvia, f. 25-12 1923, gift 1964 med Mildrid Mossige (Nærbø 81. 2.).
11. Kåre O. Kvia, f. 19-10 1925, gift 1950 med Maria Årsland (sjå Årsland, Varhaug 47. 2.), f. 2-8 1928. Bur på Bø.
12. Harald O. Kvia, f. 20-4 1926, gift 24-11 1945 med Berit Øvrebø, f. i Dirdal.
13. Klara Kvia, f. 3-1 1928, gift 25-5 1946 med Torgeir Berge Edland (sjå Bø 161. 4.). Bur på Bø.
14. Leif O. Kvia, f. 31-1 1930, gift 1955 med Ruth Else Ueland, f. i Varhaug. Bur på Bø.
15. Solveig O. Kvia, f. 16-10 1934, gift med Magne Bakke, f. i Varhaug 1931. Sjøfør på Varhaug.

73. Ola R. Kvia, son til 50., f. 9-10 1883, d. 9-10 1964, gift 6-5 1911 med Ingeborg Dubland, f. i Varhaug 25-9 1889, d. 29-1 1969, dotter til Ola Olson Dubland og kona Kirstine Pedersdr. (sjå Sør-Varh. 108. 3.). Ola lærde gråsteins-muring hjå Omund Høyland og dreiv mange år med det handverket. I 1914 tok han over bnr. 19. Jero. Seinare kom han inn som arbeidsformann på Opstad. Dei har 8 barn:

1. Ragnvald Kvia, f. 22-2 1912.
2. Astrid, f. 2-1 1914.

3. Kari, f. 4-3 1916, gift 31-5 1941 med Tomas Tjelta. Bur på Håland.
4. Odd Kvia, f. 4-10 1917, gift 4-10 1947 med Anna Aniksdal, f. i Varhaug 12-3 1920.
5. Inga, f. 24-12 1920.
6. Ottar Kvia, f. 23-3 1923, gift med Randi Ueland, f. 14-1 1924 (Ueland 88. 8.).
7. Aslaug, f. 20-3 1926.
8. Rolf Kvia, f. 1-9 1931.

74. Per Håland (sjå Gudmestad 56.). Han kjøpte bnr. 7 av Isak Motland i 1919. I 1920 selde han til Benjamin Skjærpe.

75. Benjamin Skjærpe (sjå Skjærpe 49.), kjøpte bnr. 7 av Per Håland i 1920. I 1929 selde han til Nils Hatteland og flutte til Stavanger.

76. Hans Aanestad, son til 59., fødd 25-8 1887, d. 4-10 1968. Han tok over farsgarden, bnr. 6 i 1912. Han var ikkje gift. Ved sida av gardsbruket har han dreve mykje journalistisk verksemd. Var ei tid bladstyrar for "Ryggja Tidend" i Stavanger. Seinare mange år redaktør i Bondevennen same stad. Attåt har han skrive i ymse dagblad som Stavangeren og Dagbladet Rogaland. Han førte ein skarp penn, og nåde dei som han i styre og høgare tiltrudde stillingar finn sovande eller vavrane og vinglande i embets medfør, slik at deira styr og stell går ut over bondens velferd. Då spissar H. Aa. pennen og sparar sjeldan på krutet. Men han har og vore ein god rådgjevar for bonden dei åra han har sete på redaksjons-krakken i Bondevennen. Han har i sanning vore ein bondens ven, — ikkje berre for Rogaland, men for heile landet. Pennen hans var alltid like kvass, alltid reide både til rettleiding og til ris. Dei siste åra hadde han forpaktar som tok seg av garden.

77. Nils Hatteland, f. i Klepp 30-8 1898, d. 26-4 1964, son til Kornelius og Konstine Hatteland. — Gift 29-9 1934 med Berte Kirstine Aniksdal, f. i Varhaug 2-10 1907 (sjå Aniksdal, Varh. 66. 3.). Nils Hatteland kjøpte bnr. 7 av Benjamin Skjærpe i 1928. Dei har hatt 5 barn:

1. Lidvor Kjellaug Hatteland, f. 14-8 1935.
2. Knut Hatteland, f. 5-9 1936.
3. Paul Hatteland, f. 3-12 1937, gift med Gunhild Dagsland.
4. Kari Ingfrid Hatteland, f. 9-11 1946.
5. Sigrun Hatteland, f. 2-8 1939.

78. Hans Jørgen Bø (sjå Bø 130.7.). Fødd på Skjærpe 4-4 1894. Gift 10-3 1930 med Grette Skjærpe, fødd i Stavanger 4-12 1904 (Skjærpe 49. 5.). Jørgen Bø kjøpte bnr. 17 av Tilla Kvia (49. 5.) i 1934. Barn:
 1. Marselius Bø, f. 27-7 1930.
 2. Berthor Bø, f. 3-7 1932, gift 23-11 1957 med Magnhild Olsen frå Vesterålen.
 3. Anny Bø, f. 2-5 1934.
 4. Jorunn Bø, f. 15-2 1936, gift 29-12 1956 med Tønnes O. Vigre, fødd 30-8 1930 (Vigre 63. 11.). Har teke over bruket.
 5. Harald Bø, f. 12-6 1938.
 6. Gunvor Bø, f. 16-5 1942.

79. Torger Rangen, son til 69, er f. 22-11 1912. Gift med Astrid Bø, f. 27-4 1921 (Bø 159. 5.). Han tok over bnr. 12 i 1946. Barn:

1. Einar Rangen, f. 25-7 1942, gift 1967 med Ingvor Marie Auestad, Time.
2. Aslaug Rangen, f. 28-10 1943, gift 1963 med Rasmus O. Obrestad (sjå Obrestad 56.).
3. Arvid Rangen, f. 4-3 1949.
4. Herdis, f. 26-12 1953.

80. Gustav Rangen, son til 67., f. 22-3 1912, gift 1940 med Judith Skjærpe, f. 22-6 1917 (Skjærpe 49. 8.). Han tok over bnr. 11 i 1946. — Barn:

1. Gabriel, død.
2. Grete Rangen, f. 2-6 1943, gift 22-11 1963 med Torstein Skretting, Varhaug.
3. Johanna Rangen, f. 2-12 1946.
4. Gudmund Rangen, f. 12-6 1951.
5. Berit, f. 2-6 1954.

81. Lars Ingebretson Rangen, son til 68. Fødd 1-6 1910. Gift 14-8 1943 med Anna Larsdotter Midtflø, f. i Sunnmøre 24-4 1916. Han tok over bnr. 8 i 1936. Barn:

1. Ingebret Rangen, f. 5-5 1944.
2. Leif Rangen, f. 29-11 1945.
3. Anbjørg Rangen, f. 7-4 1948.
4. Odd Rangen, f. 29-5 1950.
5. Anne Lise, f. 10-3 1955.

82. Tobias H. Risa Rangen, fødd 5-9 1911. Gift 3-5 1947 med Mally Mellemstrand, fødd i Oгна 14-9 1921, dotter til Ivar Olson Mellemstrand og Malena Davidsdotter Fossfeld. Han tok over bnr. 14 i 1950.

83. Olav T. Kvia, son til 71. Fødd 30-8 1911, død 2-3 1956. Gift 20-9 1941 med Ingeborg Bakke, fødd i Varhaug 15-10 1913. Han tok over bnr. 5 etter faren i 1950. — Barn:

1. Dagfrid Kvia, f. 11-3 1942, gift 1962 med Heinrich Ordin Birkeland.
 2. Terje Kvia, f. 9-9 1943, gift 1968 med Anna Helland, Klepp. Brukar garden.
 3. Magne Kvia, f. 17-8 1944, gift 1966 med Gunvor Tordis Risa.
 4. Oddmund Kvia, f. 1-7 1948.
84. Ingvald Hognestad, f. i Time 1-3 1889, d. 1-8 1954, son til Ingeborg Hognestad og Elias A. Nærland. Han kjøpte Røderullen av Tor Mo (under 67.). Då han var død vart garden seld til Tobias O. Kvia, som reiv alle husa og lema han inn under hovedbruket, som han opphaveleg hadde høyrte til. Ingv. Hognestad var ugift.
85. Tobias O. Kvia (72. 1.), f. 16-12 1905. Tok over farsgarden, bnr. 2, etter faren i 1943, og i 1954 kjøpte han Røderullen av Ingvald Hognestad si dødsbu. Han er ugift.
86. Knut Hatteland (77. 2.), f. 5-9 1936. Tok over bnr. 7 etter faren i 1964.
87. Tønnes O. Vigre (Vigre 63. 11.), f. 30-8 1930, gift med Joron Bø (Kvia 78. 4.), f. 15-2 1936. Han tok over bnr. 17 av vermora i 1967.
88. Terje Kvia (83. 2.), f. 9-9 1943, gift 1968 med Anna Helland, Klepp. Han tok over bnr. 5 av mora i 1965.

G.nr. 20. Motland

Motland hadde ei korn landskuld på 1 pund i 1723. Der var berre ein brukar som sjølv åtte alt. Kring 1800 vart garden skift i 2 bruk. — I eller kring 1865 kjøpte kommunen eit halvt bruk til klokkar- og lærar-bustad.

Motland er ein heller turr gard med lynchear og hoiar som strekkjer seg frå Skjærpe i nord til Kviadalen i sør. I vest skifter det med Kvia og i aust med Bø. Inn-imillom heiane og holane finst der fleire små myrar og tjørn. I nordaustre hyrna mot Skjærpe og Bø er Urheio som nå er utlagd til bygge-tufter for Nærbø stasjon. Der er og planta rundt om ei tjørn, Kattatjødno. Det kallast for Parken. Der finst mange større og mindre gravhaugar på Motland. Jernbanen har skore garden i to frå Nærbø stasjon til Kvia.

NAMNEREGISTER

1. Oluff 1519
2. Siguardt 1519/21
3. Alf 1521
4. Oluff 1563
5. Ivar 1603/06
6. Peder 1613/24
7. Marit
8. Asbjørn Motland
9. Jon (Arneson Vig?)
10. Rasmus Øybrandson
11. Ola Asbjørnson
12. Asbjørn Olson
13. Ola Asbjørnson
14. Ola Monsson Øksnevad
15. Gunnar Pederson Vigre
16. Gunnar Olson Bø
17. Peder Gunnarson
18. Petter Gunnarson
19. Tollak Olson Netland
20. Ola Gabrielson Birkeland
21. Simon Svenson Garborg
22. Isak Mathiasson Bjorhaug

23. Mikal Tobias Isakson
24. Sven Simonson Motland
25. Lars Olson Gudmestad
26. Just Jonson Lende
27. Hans Hognestad
28. Karl Gabrielson Frøyland
29. Maria Toresdotter Kvia
30. Simon S. Motland
31. Kristian Risa
32. Ivar Ueland
33. Hans H. Opstad
34. Tobias J. Kvia
35. Magnus Opstad
36. Tobias Torkelson Høyland
37. Martin H. Opstad
38. Einar Hognestad
39. Finn Høyland
40. Sven S. Motland
41. Kaius Sirevåg
42. Andreas I. Søyland
43. Olaf Gudmestad
44. Hjalmar Sirevåg
45. Askild Johan Nybø
46. Anton Tengs
47. Tender Berntsen
48. Audun Berntsen
49. Kåre T. Kvia
50. Henrik Liland
51. Palle Vigre

1. **Oluff** er nemnd på Motland i 1519.

2. Sigvard nemnd 1519/1521.

3. **Alf** på **Motland** er nemnd 1521.

4. **Oluff** er nemnd 1563.

5. **Ivar Motland** er nemnd 1603/1606.

6. **Peder Motland** nemnd 1613/1624. — Brukte 1 pund, gav y2 pund leidang 1619 og 1624.

7. **Marit** brukte 1 pund 1627/1631. Ho var truleg enkja etter Peder.

8. **Asbjørn (Håvardson?)** er ikkje nemnd på Motland, og har kanskje ikkje butt der, før 1624. Han var bror til Hans Fotland i Time (sjå Tingbok I, side 4 og 7). Han var gift 1) med Sissel Håvardsdotter Torland (Torland 14. 5.), — gift 2) med Anna Olsdotter som der var skifte etter 18-3 1671. Asbjørn hadde 5 barn i andre gifte:

1. Sigvard Asbjørnson Todneim, f. kring 1615, gift med Marit Osmundsdotter Reime (Reime 8. 9.). Budde på Todneim i Høyland.
2. Håvard Asbjørnson budde i Stavanger i 1671, og åtte eit sjøhus der. Han døde 1676, kona heite Anna Pedersdr. og var frå Holstein.
3. Ola Asbjørnson Motland (sjå nr. 11).
4. Marit Asbjørnsdr., gift 1) m. Gunnar Olson Odland i Varhaug, gift 2) med Tore Odland (Odland 10. og 15.).
5. Berit Asbjørnsdr. var ugift i 1671.
- (6.) Maren Asbjørnsdr., gift med Ola Omundson Tjøtta, Njå, er kalla søster til Sjur Asbjørnson ved skifte i 1727 (1069 II).

9. **Jon Arneson Vig** var halvbror til lensmann Laurits Arneson Skeie og bror til Johannes Gudmestad (Gudmestad 7.). — Han var fødd kring 1610, gift med enkja etter Asbjørn Motland, Anna Olsdotter. Han brukte 16 spand i 1645/1665. Skatta 1 ort i 1645. I 1665 står han som eigar av 1/2 pund i Bråstein saman med Laurits Skeie og Ola Madland (sjå Madland, Gjesdal nr. 8). Jon Motland var lagrettesmann i 1637. Han var barnlaus.

10. **Rasmus Øybrandson** var på Motland i 1645/1665 og brukte 8 spand. Han var fødd kring 1610, gift med Aasa Berulvsdotter, som der var skifte etter 7-3 1683. Det er uvisst kvar dei var frå, men truleg var Rasmus bror til Knut Øybrandson Njærheim, som var 4 år yngre enn han (i 1665). Ved skifte etter Åsa er nemnde 4 barn:

1. Berulv Rasmusson, var utanlands i 1683.
2. Ola Rasmusson budde på Hundvåg og var gift med Malena Rasmusdr., som hadde vore enkje på Hundvåg.
3. Ingeborg Rasmusdotter, gift med Ola Mæland i Sola.
4. Anna Rasmusdr. budde på Bråstein i 1683.

10B. **Ola Hansson Motland** var stemnd for leiermål med sin festerkvinne, Anna Rasmsudotter, i 1665. Kanskje var det ho som er nemnd ovanfor. Dei er ikkje nemnde seinare.

11. **Ola Asbjørnson** var vel son til 8. Han var husmann på Motland i 1665. Fødd kring 1625. — I 1671 heiter det, at Ola Asbjørnson hadde "gjordt Peder Olsen Skrettingland skade med en ljaa, og dertil var omtrentt medgaaet det han skulde have i bryllupsgave". Dette tyder på at han var gift. I 1676 var han på Kydland i Varhaug. Då heiter det "OHe Asbiørnsen på Kydland i Valle Skibrede sammen med Joseph Ifversen Horfve i Hølle selger et soehuus i Stafvanger til Jørgen Cortsen i Stafvanger". Det var dette sjøhuset som broren Håvard hadde ått.

12. **Asbjørn Olson Hobberstad** (sjå Hobberstad i Varhaug 22. 4.), var fødd kring 1641, skifte etter han 25-4 1709. Gift med Maren Eriksdr. Opstad (Opstad 17. 3.). Asbjørn er oppført åleine på Motland i 1701. Då han var død, ser det ut til at Maren brukte heile Motland. — Ho døde kring 1730 — 6 barn:

1. Jon Asbjørnson, f. 1678, d. før 1718. I 1711 skreiv han frå seg åsætesretten til Motland til broren Ola. Han budde seinare på Øvre Haugland i Time, men eg veit ikkje kven han var gift med. (Sjå Tingbok II side 180.)
2. Ola Asbjørnson Motland (sjå nr. 13.).
3. Sissel Asbjørnsdotter, gift med Peder Pederson Håland i Time, gift 2) med Lars Aslakson Håland frå Norheim.
4. Berit Asbjørnsdr., gift 1) med enkjemann, lensmann, Ola Adamson Haugland i Time, gift 2) med lensmann Jon Tollakson Skeie.
5. Marit Asbjørnsdr., f. 1689, gift 1) med enkjemann Ola Olson Tjemsland, gift 2) med Omund Svenson Tjemsland (sjå N. Tjemsland i Varh. 13. og 19.).
6. Anna Asbjørnsdr., f. 1691, d. 1725. Ho bleiv i ein brunn eller ei kjella på Motland då ho vaskte klæde.

13. **Ola Asbjørnson Motland**, son til 12. Fødd kring 1690, skifte 7-10 1741, gift med Siri Ellingsdr. Ånestad, fødd kring 1704 (sjå Ånestad 18. 5.). Det var mora, enkja Maren eller Marit Eriksdr., som åtte heile Motland til 1733, men det har vel vore Ola som brukte det og som tok over etter mora. Ola og Siri hadde berre ei dotter:

Maren Olsdotter, fødd kring 1735, gift

med enkjemann Sven Simonson Herikstad (sjå Herikstad, Varhaug 29.). Truleg var det denne Ola Asbjørnson som byksla 12 spand i Hobberstad i 1737 av Jon Erikson med fleire, truleg etter Johannes Olson. Det er uvisst om han budde på Hobberstad. Skifte var halde på Motland.

14. **Ola Monsson Øksnevad** var son til Mons Olson Øksnevad i Klepp og kona Elisabet Larsdtr. I 1741 vart han gift med enkja etter Ola Asbjørnson, Siri Ellingsdtr. Han tok over bruket, 1 pund, etter Ola Asbjørnson. I 1761 selde han til Gunnar Pederson Vigre og flutte til Torland (sjå der 35.).

15. **Gunnar Pederson Vigre** (Vigre 23. 1.), fødd kring 1729, skifte 9-11 1789, gift med Anna Pedersdtr. Kvia (Kvia 21. 5.), fødd kring 1743, død 23-12 1815. Gunnar kjøpte av Ola Monsson i 1761. Enkja gav frå seg 12 sp. til versonen, Gunnar Olson, i 1797 og 12 sp. til sonen Peder i 1804. Dei hadde 7 barn:

1. Maren, f. 1764, gift 9-3 1794 med Tolleiv Olson Høyland (sjå Høyland 40.).
2. Guri, f. 1768, gift 4-11 1795 med Ola Tolleivson Bratland i Varhaug, f. 1771 (Bratland 16.).
3. Anna, f. 1774, d. 27-6 1846, ugift.
4. Anna Kirstina, f. 1777, gift m. Gunnar Olson Bø (16.).
5. Peder Gunnarson Motland, fødd 1775 (17.).
6. Petter Gunnarson Motland, fødd 1783 (18.).
7. Johanna, fødd 1785, død 16-12 1815, ugift.

16. **Gunnar Olson Bø** var son til Ola Erikson og Berta Elisabet Gunnarsdotter Bø (Bø 53.), fødd kring 1770, død på Njærheim 28-6 1835, gift 1) 22-11 1797 med Anna Kirstina Gunnarsdtr. Motland (15. 4.), f. 1777, d. 13-5 1804. Gunnar kjøpte 9 sp. av kona sine sysken i 1797 og fekk 3 sp. med kona. Han fekk skjøte i 1798 for 65 rdl. + $\frac{1}{2}$ folge til vermora. I 1803 kjøpte han odels og åsætesretten til 12 sp. av verbroren Peder Gunnarson for 50 rdl. I 1805 selde han dei 12 sp. til Petter Gunnarson og flutte til Njærheim (Njærheim 91.). Han fekk 4 barn med Anna

1. Gunnar, f. 5-3 1798, d. 3-6 1799.
2. Berta, fødd 11-4 1800, gift med Erik Gunnarson Njærheim (Njærheim 87. 3.). Budde på Leikvoll i Randeberg.
3. Gunnar, f. 20-2 1802, gift i Stavanger

10-12 1837 m. Olina Andersdtr. Malde, 20 år. Budde på Leikvoll.

4. Ola, f. 7-5 1804, d. 16-9 s. å.

17. **Peder Gunnarson**, son til 15., f. 1775, d. 23-7 1858, ugift. Han kjøpte 12 sp. av mora i 1804 for 72 rdl. + $\frac{1}{2}$ folge. I 1805 selde han dei 12 sp. til broren Petter og skilde seg folge. Truleg er dette ikkje rett, for i 1824 kjøpte Petter 12 sp. av broren som han hadde fenge skjøte på i 1807.

18. **Petter Gunnarson**, bror til 17., f. 1783, d. på Fosse i Time 14-9 1869 som følge-mann. Han kjøpte 12 sp. av Gunnar Olson i 1805 og 12 sp. av broren Peder i 1824. I 1827 selde han 12 sp. til Tollak Olson og i 1833 6 sp. til den same, for ialt 330 spd. + folge. Petter var ikkje heller gift.

19. **Tollak Olson Netland** var son til Ola Erikson Netland i Time og kona Ingeborg Andersdtr. Han var f. 2-10 1804, gift 1) i Time 5-4 1827 med Anna Halvardsdtr. Mossige, f. 21-11 1802, d. på Motland 1-4 1833, dotter til Halvard Larsson Mossige og kona Anna Nilsdtr., gift 2) i Nærbø 20-3 1834 med Anna Jonsdtr. Bø, f. 31-1 1802 (Bø 67. 2.). Tollak kjøpte 18 spand av Petter Gunnarson i 1827/1833 for 330 dalar og folge. Ved skifte etter **den** første kona, Anna Halvardsdotter, i 1833, vart bua, 18 spand i Motland, verdsett til 363 dalar og skift mellom enkjemannen og sonen Ola Tollakson og kreditoren Ola Gjermundson Lerbek. I 1835 selde Tollak 12 spand til Simon Svenson Garborg, og i 1836 selde han dei 6 spand til Isak Mathiasson. Så flutte han til Sør-Reime (sjå der 24.). Han hadde ein son i første gifte:

Ola Tollakson, f. 19-5 1831, gift i Time 29-3 1860 med Malena Samueldotter Tunheim. Han budde på Tunheim i 1864. I 1875 var han arbeidsmann på Sandnes (Jutland).

20. **Ola Gabrielson Birkeland** var frå Fedå. Fødd kring 1800, død på Urheio 10-11 1877. — Gift 7-12 1823 med Karen Malena Omundsdotter Skjærpe, f. 1793 (Skjærpe 18. 4.). Ola Gabrielson var husmann på Urheio. Dei hadde 4 barn:

1. Ane Guria, f. på Skjærpe 6-3 1824, gift i Stavanger 14-4 1859 med arbeidsm. Ola Jonson Liknes frå Skudesnes.
2. Anna Malena, f. på Skjærpe 30-11 1826, gift 1847 med Sven Eivindson Håland (sjå Primstad i Varhaug 12.).
3. Grete Olina Olsdtr., f. på Urheio 27-2 1831.
4. Ola Olson, f. på Urheio 11-5 1834.

21. Simon Svenson Garborg var son til Sven Svenson Garborg i Time og Ranveig Simonsdtr. (sjå Mæland, Varhaug 22. 1.). Han var fødd 27-8 1809, død 18-2 1900. Gift 25-5 1834 med Anna Svensdtr. Risa, fødd 4-11 1810, død 21-12 1900 (Risa 58. 4.). Simon kjøpte 12 sp. av Tollak Olson i 1835 for 400 dalar. Han var smed, og det var han som bygde smia som Rogalands Folkemuseum har teke over på Motland. Dei fekk 7 barn:

1. Jorina Simonsdtr., f. 30-7 1835, d. 29-8 1878, ugift.
2. Rakel, f. 31-12 1838, d. 6-1 1839.
3. Sven Simonson Motland, f. 7-4 1840 (24.).
4. Sem Motland, fødd 9-4 1843 (sjå Sør-Reime 31.).
4. Rakel, f. 4-5 1846, gift 31-5 1870 med Tønnes Larsson Vigre på Sandnes (sjå Vigre 43. 5.).
6. Simon, f. 17-12 1849, d. 26-7 1873, ugift.
7. Anna Regina, f. 15-4 1854, gift med Ola Larsson Mossige.

22. Isak Mathiasson Bjorhaug (Bjorhaug 10.), kjøpte 6 sp. av Tollak Olson i 1836 for 100 spd. Han må ha kjøpt 6 sp. av Peder Gunnarson og, for i 1838 står han med 12 sp. i futerekneskapen. Kor vidt Isak budde på Motland torer eg ikkje segje noko om. Me veit at han hadde teke over Bjorhaug alt i 1824, og det er rimeleg at han budde der. — Han er oppført begge stader samstundes heilt til 1851. I 1856 er Bernt Svenson Undheim på dette bruket på Motland, men så er det Isak att 1857/59. Han selde halvparten, Lnr. 86 b., bnr. 2, til Nærbø kommune i 1864 for 500 spd. (klokkargarden).

23. Mikal Tobias Isakson Motland, son til 22., brukte denne parten, bnr. 1 og 2, frå 1859. Han fekk skjøte på Lnr. 86 a, bnr. 1, av faren i 1883 for 800 kroner. 20-5 1862 vart dette makebyte gjort millom Simon Svenson og Mikal Isakson: "Makebyte mellom Simon Svenson og Mikal Isakson Motland i overvær af Isak Mathiassen, at magebyte pladset Urheien som eies i fællesskab af begge opsidere, hvilken forretning udførtes saaledes: 1. først afgav Mikal Isakson til Simon Svensen et stykke ovent af de saakaldte Rastavhagene med Tagfadle efter en linje fra vest til øst efter nedsatte stene. Gjørdet i denne linje opføres med en haldel af hver, men vedligeholdelsen skal aléné paaligge Simon Svensen. 2. Mikal Isakson afgav til Simon Svensen et stykke i den søndre ende af bumarken eller Dalen, det

begynder i et vende i det gamle skiftet på Råså (Rosk) går i rett linje efter nedsatte stene nedad bakken til den støder i skiftet med nabogaarden Kvie. Gjørdet i denne linje flyttes eller opføres og vedligeholdes af Mikal Isakson, og skal være færdig opført til anstundende 15 Mai. Begge disse stykker er vederlag for Simons eiende halvdel af pladset Uhrheien, som nu eies af Mikal Isaksen alene. Gjørdet i den først beskrevne linje skal være færdig opført til anstundende 29 September. Samtlige gjærder for pladset Uhrheien som for endel efter Udskiftningsforretning af 3 Juni 1854 er tillagte Simon Svensen til vedligeholdelse, skal nu alene paaligge Mikal Isakson til istandsættelse og vedligeholdelse. At vedkommende parter ved nærværende forretning ere tilfreds vedgaaes. — Simon Motland. Mikal Isakson Motland. I. Bue. Til vitterlighed: C. R. Skrettingland. S. O. Haaland." — Mikal Isakson var f. på Bjorhaug 26-4 1831, d. 15-5 1900, gift 30-9 1858 med Lise Marie Larsdtr. Friestad, f. i Klepp 17-2 1836, d. 17-7 1919, dotter til Lars Johannesson Friestad i Klepp og kona Mette Osmundsdr. Nygård. Dei fekk 8 barn:

1. Joakim, f. 29-3 1859, d. 4-4 1949, gift 8-7 1893 med Elen Maria Eivindsdr. Re, f. 29-11 1859. Budde i N-Dakota.
2. Mathea, f. 7-2 1861, gift 1-3 1888 med Omund Hansson Sør-Reime (sjå der 38.).
3. Kirsten Malena, f. 29-1 1863, gift 29-11 1883 m. Jon Sør-Reime. Handelsmann på Nærbø (Sør-Reime 27. 3.).
4. Lars Johan, f. 22-2 1865, gift 18-11 1886 med Maren Olava Abrahamson, f. 19-7 1866 (Nils Abrahamson Kathus). Han var skomakar i Stavanger,
5. Laurits Martin, f. 22-2 1865, d. 8-1 1867.
6. Mathias Johan, f. 20-1 1869, gift med Abigal Gåsland frå Bjerkreim. Budde i N-Dakota.
7. Isak Motland, f. 12-10 1873 (Kvia 64.).
8. Laurits Martin, f. 12-11 1876, gift med Anna Svensen frå Egersund. Han var garvar i Stavanger.

Mikal Tobias Isakson flutte til Kvia i 1895 (sjå Kvia 63.).

24. Sven Simonson Motland, son til 21., f. 7-4 1840, d. 16-12 1916, gift 1) 26-6 1871 med Elen Rasmusdtr. Bø, f. 16-12 1847, d. 22-12 1877 (Bø 87. 1.), gift 2) 9-6 1886 med Anna Taletta Rasmusdtr. Opstad, f. 11-1 1855, d. 25-9 1930 (Opstad 73. 1.). — Sven tok opp smedehandverket etter faren, men dreiv mest som skosmed. Han tok over bnr. 3 av faren i 1882 for 2500

kroner + følge til foreldra. Han fekk 4 barn i Iste gifte:

1. Anna Jorina, f. 12-7 1872, d. 16-3 1885.
 2. Simon Motland, f. 30-12 1873 (28.).
 3. Justina Olava, f. 19-7 1875, d. 8-7 1963, ugift. Budde på Motland.
 4. Elen, f. 22-12 1877, gift 10-12 1910 med Tobias J. Kvia (Motland 27.).
25. **Lars Olson Gudmestad** (Gudmestad 32. 4.), f. 12-11 1839, gift med Johanna Nilstr. Ektnæside, f. i Eker. Lars budde på klokkargarden. Han var klokkar og skulemeistar. Kom seinare til Kristiansand som styrar på Waisenhuset der. — 5 barn var fødte på Motland:
1. Olaf Gudmestad, f. 17-7 1865, gift 16-4 1889 med Karen Sofia Jonsdr. Garpestad, f. 1865. Han døde på Bryne.
 2. Nils, f. 7-6 1867. Reist til Amerika.
 3. Lars, f. 6-8 1869, d. 31-12 s. å.
 4. Martin, f. 21-1 1871. Reist til Amerika.
 5. Jonas, f. 5-10 1872. Reist til Amerika'.
26. **Just Lende**, son til Jon Olson Lende i Time og kona Anna Endresdr. Arestad. Han var fødd 17-9 1853, død 2-6 1901, ugift. Just Lende var klokkar og lærar i Nærbø etter Lars Gudmestad og budde på klokkargarden. Kring 1895 vart han klokkar i Skudesnes og døde der.
27. **Hans Hognestad**, son til Hans Eivindson Hognestad i Time og Tabitta Pedersdr. Herikstad. Han var fødd 22-8 1868, død 1945. Gift i Stavanger 17-8 1893 med Karen Olsdotter Brueland, fødd i Hetland 26-8 1870, død 27-7 1947, dotter til Ola Rasmusson Brueland og Nille Marie Rasmusdr. Lura. Hans Hognestad vart klokkar og lærar i Nærbø etter Just Lende, og budde på klokkargarden. I 1920 kjøpte han ein part av "Klokkarmarka", bnr. 10, og bureiste der. Hans Hognestad var ein sær s dugande og avhalden lærar. Han var og ein song-entusiast og mykje musikalsk. Han skipa både musikkorkester og songkor. Han tenestgjorde og som kyrkjeorganist. Stutt sagt, Hans Hognestad var ein mann med høge hugmål i åndeleg og kulturell leid. Dei hadde 11 barn:
1. Magnhild Hognestad, f. 26-4 1895, gift 26-2 1927 med Asbjørn Andreasson Skeie i Klepp, d. 26-10 1956.
 2. Tora Hognestad, f. 9-1 1897, gift med Martin Skarstein.
 3. Solveig Hognestad, f. 10-9 1898.
 4. Helge Hognestad, f. 28-7 1900, gift med Karen Bøgwald frå Fedå. Han er konduktør.
5. Olav Hognestad, f. 11-6 1902, gift med Helena Hortemo (sjå Nærbø 164.).
 6. Harald Hognestad, f. 5-4 1904, gift med Hilda Ree.
 7. Einar Hognestad, f. 22-2 1906, gift 2-8 1906, gift 2-8 1941 m. Borghild Skretting, f. i Klepp 5-3 1907. Han tok over bnr. 10 etter faren i 1938. Er fengsels-tenar på Opstad.
 8. Aslaug Hognestad, f. 5-5 1909.
 9. Inga Hognestad, f. 13-8 1911, gift 10-5 1941 med Dagfinn Edland, Mosterøy.
 10. Åsa Hognestad, f. 13-8 1911, gift med Ivar Thorstensen, kjemikar, Oslo.
 11. Kari Hognestad, f. 18-10 1914, gift 13-6 1942 med lærar Harald Haavåg.
28. Karl Gabrielson Frøyland (sjå Kvia 62.) bytte med Mikal Isakson med bnr. 7 i Kvia mot bnr. 1 i Motland i 1895, men selde straks etter til Maria Toresdotter.
29. Maria Toresdotter Kvia, enkja etter Jens Tobias Tobiasson Kvia som hadde vore forpaktar på Haa prestegard (sjå der 8.). Ho kjøpte bnr. 1 av Karl Gabrielson Frøyland i 1895.
30. Simon Svenson Motland, son til 24. Fødd 30-12 1873, død 15-6 1962. Gift 11-6 1910 med Grete Guria Risa, f. 14-7 1876, d. 22-5 1923 (Risa 79. 6.). Simon tok over bnr. 3 etter faren. Han var skosmed som faren. Hadde 3 barn:
1. Eli Motland, f. 9-11 1911, gift med Ragnar Anestad (Kvia 59. 8.).
 2. Tora Motland, f. 25-12 1913.
 3. Sven Motland, f. 5-3 1915 (39.).
31. Kristian Hansson Risa (Risa 70. 3.), var fødd 12-12 1851, død 17-3 1934. Gift 9-11 1882 med Kirsten Einarsdotter Årsland i Varhaug, fødd 29-3 1859 (Årsland 33. 2.). — Kristian Risa hadde butt på Skoreberg av Gausland og ei tid på Sveine av Opstad. Kring 1890 reiste han til Amerika og dreiv som sauegjætar i Montana nokre år. I 1896 kjøpte han eit stykke utmark av klokkargarden på Urheio, der han sidan vart buande. Han var griserøktar hjå Kornelius Olsen, Norsk Østefabrik på Nærbø. Dei hadde 7 barn som var fødte før dei kom til Urheio:
1. Berta Maria Risa, f. på 21-9 1893. Buset i Alaska.
 2. Hans Risa, f. 10-2 1886, død i Amerika, ugift.
 3. Einar Risa, fødd Sveine 5-5 1888 (sjå Risa 105.).
 4. Anna Risa, f. 13-11 1890, d. 25-1 1920, gift 6-9 1913 med Rasmus Johannesson

- Soma, f. i Høyland 5-10 1882. Han var bygningsmann, budde på Øksnevad, d. 26-7 1931.
5. Klara Risa, f. 4-10 1896, gift 22-12 1918 med Peder Larsson Helland, f. i Time 1897. Møbelsnekker på Bryne.
 6. Kristofer Risa, f. på Urheio 1-3 1899, d. 26-1 1928, ugift.
 7. Jakob Risa, f. 9-5 1904, død i Amerika.
32. **Ivar Ueland** (sjå Ueland, Varh. 63. 9.), var fødd 18-4 1865, død 10-3 1950. Gift 2-12 1898 med Maria Ingebretsdotter Efjestad, Varhaug (sjå der 53B. 3.), fødd 25-1 1872, død 26-2 1941. Ivar var snikker og bygningsm. mange år ved jernbanen. I 1898 kjøpte han ein part av klokkarmarka på Urheio, bnr. 39. Dei hadde 6 barn:
1. Ivar Ueland, f. 6-9 1899, gift 1930 med Gudrun Laumb. Han har Krigsskulen, kapteins grad. Er og lektor i Stavanger.
 2. Ingebret Ueland, f. 4-12 1901, gift 20-4 1929 med Serina Nærland Torland, f. 9-8 1905. Ingeniør og oppmålingssjef. Bur på ein part av faren sitt stykke på Urheio.
 3. Ingvald Ueland, f. 26-9 1905, gift med Randi Pollestad. Han er fengselstenar på Opstad.
 4. Elisabet Ueland, f. 18-11 1909. Lærer i handarbeid. Bur på Urheio.
 5. Marta Ueland, f. 11-3 1912, d. 15-12 1927.
 6. Jonas Ueland, f. 18-4 1913, gift med Tilla Lode, f. i Varhaug 14-6 1917 (Lerbrekk 48. 4.). Han er elektrikar.
33. **Hans Hansson Opstad** (Opstad 93.). Han var fødd 4-9 1866, død 1946. Gift 8-11 1895 med Hanna Opstad, fødd 25-1 1877, død 19-11 1933 (Opstad 80. 1.). — Hans Opstad kjøpte ein part av klokkarmarka på Urheio i 1907, bnr. 4. Han var vegvaktar i Nærbø mange år (Opstadvegen). Dei siste åra han levde var han blind. Dei hadde 8 barn:
1. Helena Opstad, f. 5-3 1897, d. 15-2 1937, ugift.
 2. Harald Opstad, f. på Opstad 13-12 1899. Er i Amerika.
 3. Berta Opstad, f. på Nærbø 9-4 1902.
 4. Martin Opstad, f. på Urheio 5-7 1907. Han bur på Urheio.
 5. Helge Opstad, fødd 14-9 1909. Bur på Urheio.
 6. Borgny Opstad, f. 12-7 1912, gift 23-10 1937 med Sigbjørn Fossfjell. Bur på Sikveland i Gjesdal.
 7. Helga Opstad, f. 8-4 1914, gift 9-7 1950 med Ola Løvik, Sauda.
 8. Maria Opstad, f. 24-5 1916.
34. **Tobias Jensson Kvia**, son til 29., fødd på Haa 27-7 1888, død 13-2 1969. Gift 10-12 1910 med Elen Motland (24. 4.), fødd 22-12 1877, død 11-8 1968. Han tok over bnr. 1 av mora i 1923. Hadde før vore fengselstenar på Opstad. Dei har 6 barn:
1. Eldbjørg Kvia, f. 23-3 1911.
 2. Mildrid Kvia, f. 16-11 1912, gift med Njål Njærheim (Njærheim 137. 6.).
 3. Torbjørg Kvia, f. 13-11 1913, gift med Finn Høyland (39.).
 4. Karen Kvia, f. 19-1 1915, gift med Lars Ødemotland (Ødemotland 24.).
 5. Jens Kvia, f. 6-10 1917.
 6. Sigbjørn Kvia, f. 3-2 1924.
35. **Magnus Opstad** (sjå Opstad 80. 8.). Fødd 28-1 1895. — Gift 1926 med Berta Vigrestad, fødd i Stavanger 8-1 1906, dotter til Rasmus Olson Vigrestad (Vigrestad 44. 3.). Magnus Opstad tok over bnr. 9, Lynghaug i Urheibrotet, og slakteriet etter farbroren Rasmus Larsson Opstad, i 1929. — Dei har 3 barn:
1. Mikkel Opstad, f. 4-7 1927, gift 7-7 1951 med Torbjørg Nærland, fødd i Klepp 19-5 1930.
 2. Ragna Opstad, f. 23-8 1929, gift 1) 1955 med Olaf Jensen, Sandnes, gift 2) 1966 med Artur Assersen, Helvig.
 3. Berit Opstad, f. 2-3 1940, gift 1957 med Toralf Ueland, Varhaug.
36. **Tobias Høyland** (sjå Reime 50.) kjøpte eit markestykke av Simon Motland i 1936, Einbu, bnr. 22.
37. Martin Opstad, son til 33., fødd 5-7 1907. Han tok over bnr. 4 etter faren i 1933.
38. **Einar Hognestad**, son til 27., f. 22-2 1906, gift 2-8 1941 med Borghild Skretting, fødd i Klepp 5-3 1907, dotter til skomakar Tønnes Nils-Mikalson Skretting (sjå Skretting i Varhaug 105. 10.) og kona Malena Toresdtr. Laland. Einar tok over bnr. 10, Haugen, etter faren i 1938. Han er fengselstenar på Opstad. Barn:
1. Håkon Hognestad, f. 15-12 1942, gift med Haldis Signøve Ege, Egersund.
 2. Karin Hognestad, f. 28-1 1946, gift med Tor-Marton Johannesen, Sandnes.
 3. Torbjørn Hognestad, f. 26-5 1947.
39. **Finn Høyland**, son til 36. — Fødd på Båden 4-11 1911. Gift 1943 med Torbjørg Kvia, f. 13-11 1913 (sjå 34. 3.). — Finn

Høyland tok over Einbu etter faren i 1945.
Barn:

1. Torkel Høyland, f. 4-10 1945.
2. Torgrim.
3. Reidun Kvia.

40. Sven Simonson Motland, son til 30. Fødd 5-3 1915. Gift 26-3 1938 med Ruth Helena Svensen, fødd i Eigersund 3-3 1920, dotter til sjåfør Harald Svenson. Sven Motland tok over bnr. 3 etter faren i 1950. — Barn:

1. Grete Motland, f. 25-6 1938, gift med Jonas Rugland.
2. Else Motland, f. 22-3 1946, gift med Oddmund Mellestrand.

41. Kajus Sirevåg, telefonmontør, fødd i Oгна 2-12 1899, son til Sivert og Kirsten Hellenen. Gift 1) 23-12 1925 med Rakel (Lode 78. 2.), f. 22-3 1904, gift 2) 21-11 1964 med Seline (Lode 64. 11.), faster til den første kona. Kajus bygde eige hus, bnr. 14, i Klokkarmarka i 1934. 8 barn i første gifte:

1. Maria Sirevåg, f. 22-2 1926, gift 1) 1947 med Olav Haugland, Time, d. 1960, gift 2) med Torleif Gaute I. A. Hognestad, f. 6-8 1926.
2. Eilert Sirevåg, f. 15-1 1927, gift med Mary Abrahamsen, Stavanger. Han er telefonmontør i Stavanger.
3. Klara Sirevåg, f. 1-7 1928, gift 28-7 1951 m. snikker Ola Haugland (Haugland i Varhaug 41. 3.).
4. Solveig Sirevåg, f. 3-1 1930, gift 1948 med Kåre Vatland.
5. Ragnhild Sirevåg, f. 29-1 1932, gift 1958 med Laurits Nordbø, telefonteknikar. Ho var gift 1) i 1954 med Gunleif Pollestad (Høyland 181. 7.).
6. Gunvor Sirevåg, f. 16-10 1933, gift med Ingolf Apneseth i Sirevåg.
7. Sigurd Sirevåg, f. 3-8 1936, d. 14-11 1959. Han var sjømann og omkom på sjøen.
8. Åslog Sirevåg, f. 17-3 1938, gift 17-11 1955 med matros Hans Ove Hansen, Larvik.

42. Andreas I. Søyland (Søyland 44. 1.), fødd 10-7 1891. Gift i Time med Olava Kartevoll, fødd 14-4 1891, død 9-10 1960, dotter til Andreas Anundson Kartevoll og Karen Alette, f. Topdal. Andreas Søyland var fengselstenar på Opstad. I 1933 kjøpte han ein part av Klokkarmarka og bygde der. Då han var død selde enkja til Olaf Gudmestad og flutte til Bryne. Dei hadde 7 barn:

1. Ingebret Søyland, f. 10-7 1916, gift 26-8

1939 med Gislaug Edland (Bø 161. 1.). I firmaet Brødrene Søyland, Bryne.

2. Magnhild Søyland, f. 2-12 1917, gift med Karl O. Bø (sjå Bø 185.).
3. Asbjørn Søyland, f. 11-4 1919, gift 1) Synnøve Lunde, gift 2) med Henny Rusdal, f. i Hovsherad 4-5 1926. Bur på Bryne.
4. Kristian Søyland, gift med Borghild Øgård, f. i Bryne 11-1 1920. I firmaet Brødrene Søyland, Bryne.
5. Kari Søyland, f. 16-1 1926, gift med Trygve Torkelson Edland. — Bur på Bryne.
6. Olaug Søyland, — gift med Abraham Tjøtta.
7. Arne Søyland, gift med Astrid Malena Gjestal, f. i Gjesdal 1924. Mekanikar på Bryne.

43. Olaf Gudmestad, småbrukar og fengselstenar (Gudmestad 47. 8.), fødd 13-12 1902, gift 6-10 1934 med Anna Nathalia Gausland, fødd 11-6 1906 (Gausland 38. 1.). Han kjøpte jord og hus av Olava Søyland i 1935. — Barn:

1. Torbjørn Gudmestad, f. 7-11 1935, gift i Sverige.
2. Ove Gudmestad, f. 25-4 1937, gift med Liv Kari Dahl, Asker.
3. Oddbjørn Gudmestad, f. 2-12 1943.

44. Hjalmar Sirevåg, småbrukar og fiskar, fødd i Oгна 29-12 1906, son til Johannes J. Sirevåg og kona Karen, f. Haver, kjøpte eit småbruk i Klokkarmarka, bnr. 16, i 1934, gift 9-11 1929 med Ida Rimestad, fødd 1-8 1909 (sjå Rimestad 70. 2.). Barn:

1. Erna Sirevåg, f. 18-1 1930, gift 4-8 1951 med Lars Bryningsland, f. i Bokn.
2. Kjellaug Sirevåg, f. 17-4 1932, gift med Arthur Berntsen.
3. Odveig Sirevåg, f. 12-8 1937, gift med Åge Ueland.
4. Harald Inge Sirevåg, f. 22-1 1939, sjømann, gift 3-9 1966 med Møyfrid Vådeland, Klepp.
5. Ingun Jofrid Sirevåg, f. 16-7 1946, gift 4-9 1965 med Anbjørn Sunde, Årdal i Ryfylke.
6. Snefrid Sirevåg, f. 9-4 1948.

45. Johan Nybo, anleggsarbeidar, fødd i Skånevik 6-11 1896, gift 28-11 1925 med Maria Opstad, fødd 6-12 1901 (Opstad 92. 3.). Johan Nybø kjøpte eit lite småbruk i Klokkarmarka, bnr. 17, i 1934. Barn:

1. Gunhild Nybø, f. 14-9 1927, gift med Kåre Haukali.
2. Sigmund Nybø, f. 26-12 1933, gift 1961 med Liv Reidun Salte, Bryne.

(Johan Nybø var son til Ole Torbjørnson Lunde i Skånevik og kona Gurina.)

46. Anton Tengs, småbrukar og fengsels tenar, fødd i Eigersund 21-3 1901, son til Lars og Inger Tengs, gift 9-11 1930 med Emma L. Aadnesen, f. 3-11 1907 (53. 1.). Kjøpte eit lite småbruk, bnr. 18, i klokkarmarka i 1939, som Torvald Gudmestad hadde ått, og bygt hus i 1934. Barn:
1. Lilly Tengs, f. 30-11 1931.
 2. Leif Tengs, f. 18-12 1932.
 3. Alf Tengs, f. 12-7 1934, gift 25-7 1959 med Mari M. Ånestad.
 4. Paul Tengs, f. 8-7 1936, gift 24-1 1959 med Bjørg Døhl, f. i Kvinnedal.
 5. Svein Tengs, f. 25-9 1946.
 6. Arvid Tengs, f. 11-2 1939, gift 1962 med Marit Lode.

47. Tender Berntsen, småbrukar og fengselstenar, fødd i Fana 21-4 1900, son til Adolf og Anna Berntsen, gift 1921 med Rakel Sørskog, fødd i Ognå 23-9 1899, dotter til Daniel og Maren Sørskog. — Berntsen kjøpte eit lite småbruk, bnr. 21, i klokkarmarka i 1936. — Barn:
1. Audun Berntsen, f. 7-5 1921 (sjå 48.).
 2. Nikolai Berntsen, f. 11-1 1924, gift 10-1 1948 med Grete Rangen, f. 27-12 1926 (sjå Bø 169. 2.).
 3. Margit Berntsen, f. 27-2 1926, gift med Kåre Kvia (sjå 49.).
 4. Trygve Rudolf Berntsen, f. 26-1 1928, gift 30-9 1950 med Kari Gilja, f. i Høyland. Skomakar, bur på Motland.
 5. Arthur Berntsen, f. 12-3 1930, gift med Kjellaug Sirevåg (44. 2.).
 6. Dagmund Berntsen, f. 28-1 1932, gift 1960 med Aud Marie Sikveland.
 7. Reidar Ingve Berntsen, f. 29-11 1934, gift 1955 med Marta Dorthea Møllerup.
 8. Astrid Maria Berntsen, f. 16-11 1937, gift 15-12 1955 med Laurits Skadberg, f. i Eigersund.

48. Audun Berntsen, son til 47., fødd 7-5 1921, død 16-10 1965, gift 1941 m. Margot Salte, fødd i Time 12-8 1921, dotter til Olaf og Maria Salte. Han var mekanikar, bygde hus, bnr. 38, på faren sin grunn på Urheia i 1949. — Barn:

1. Marit Berntsen, f. 29-5 1952, gift med Marton Tegle, Bryne.
2. Tor Berntsen, f. 25-12 1945, gift med Erna Kvia, Varhaug.

49. Kåre (Kornelius) T. Kvia (sjå Vigre 68. 1.), fødd 10-3 1917, gift 5-8 1950 med Margit Berntsen, fødd 27-2 1926 (sjå 47. 3.). Han er elektrikar-montør, bygde hus, bnr. 61, på verfare sin grunn i 1952. — Barn:

1. Terje Kvia, f. 2-5 1952.

50. Henrik Liland, son til Elias og Margrete Liland, fødd i Fana 29-6 1920, gift 1940 med Gudrun Thu, fødd i Klepp 23-9 1914, dotter til Tomas og Amalia Thu. Han bygde hus, bnr. 55, i klokkarmarka, i 1952. — Barn:

1. Anne Margrete Liland, f. 6-11 1941, gift 1960 Sven Jørgen Undheim.
2. Else Liland, f. 18-6 1947, gift med Tor Birkeland, Bakke.
3. Ranveig Liland, f. 29-9 1953.

51. Palle Vigre, forpaktar og småbrukar, fødd 16-2 1913 (sjå Skjærpe 48. 2.). Gift 28-8 1934 med Tora Bø, fødd 20-10 1913 (sjå Bø 160. 3.). Forpaktar ymse småbruk og jordstykkje. Han bygde eige hus på Motland-grunn. — Barn:

1. Kjellaug Vigre, — gift 8-12 1951 med Torger T. Slate, f. 29-3 1931 (sjå Njærheim 167. 1.).
2. Ingvar Vigre, gift 1957 med Eldbjørg Bø, Vigrestad.
3. Arnbjørg Vigre, — gift 1965 med Jan Malvin Lode, Nærbø.

G.nr. 21. Skjærpe

Opphaveleg Skerpin, kjem av skarpr og vin, den skarpe marka, turr og arm jord. Stavemåten har vore Skirpenn i 1563, Skerpenn i 1567, Schierpe i 1610, Schierpe i 1616, Schierpe i 1668 og 1723.

Skjærpe skifter med Ødemotland og Lode i vest, mot Næsheim og Bjorland i nord, mot Bjorhaug og Bø i aust og mot Motland i sør. To bekkjer møtest på Skjærpe, ein frå Bø gjennom nordre dalen "Dalanen", og ein frå Kvia-dalen. Den nordre bekkjen er nå lagd i røyr gjennom Skjærpedalen til langt opp i Bø. Denne parten er nå lagd ut til Nærbo stasjon, som nå tøyser seg nedover heilt til den store Skjærpebekken. — Jorda er ikkje lenger rekna for arm og skarpr, men er framifrå voksterjord, når ho vert rett hevda, og gjev store og framifrå gode avdrætter. Myr finst mest ikkje.

Skjærpe hadde ei korn landskuld på 2y2 pund i 1723, skift på 3 bruk, eit på 1 pund, eit 18 spand og eit 12 spand. Hrr. Ludvig Schultz åtte 6 spand, S. Preuis 6 spand, Bø prestebol 18 spand og oppsitjaren Rasmus Hansson 12 spand. 12 spand låg øyde og høyrde kongen til. Frå 1800 til 1850 var der berre 2 brukarar. Frå 1851 til 1864 5 brukarar, og frå 1865 7 brukarar.

NAMNEREGISTER

1. Halvard 1519/21
2. Orm
3. Thordt
4. Halvard 1602/03
5. Peder Skjærpe
6. Einar Olson
7. Ola Jonson
8. Ola Hansson
9. Rasmus Skjærpe
10. Bård Olson
11. Snare Olson
12. Hans Olson
13. Jakob Jensson

14. Rasmus Hansson
15. Omund Larsson
16. Tollak Svenson
17. Tore Taraldson
18. Omund Johannesson
19. Tarald Toreson
20. Tollak Omundson
21. Eivind Toreson
- 21B. Lars Eivindson
22. Omund Svenson Gausland
23. Omund Tollakson
24. Ola Pederson
25. Tønnes Taraldson
26. Nils Nilsson Gausland
27. Jakob Svenson Kjedeland
28. Abraham Ingebretson
29. Eivind Andersson Fosse
30. Tore Osmundson
31. Peder Olson Skjærpe
32. Asbjørn Rasmusson Bø
33. Andreas Rasmusson
34. Bertel Bendikson Lode
35. Rasmus Asbjørnson
36. Lars Torkelson Undheim
37. Marselius Olson Bø
38. Sven Torkelson Høyland
39. Ola Rasmusson Hobberstad
40. Hans Abrahamson Høyland
41. Ole Tobias Pederson
42. Erik Tønnesson Håland
43. Lars Larsen
44. August Skjærpe
45. Peder Isakson Risa
46. Enevald Gudmestad
47. Rasmus Lervik
48. Ingvald Vigre
49. Benjamin Skjærpe
50. Gabriel Tollakson Ueland
51. Rasmus J. Reime
52. Trygve Kvia
53. Ragnvald Skjærpe
54. Odd Skjærpe
55. Torleif Larsen
56. Tor-Odd Gudmestad

57. Ole Elias A. Skjærpe
 58. Nils Gudmestad
 59. Peder I. Vigre
 60. Jon J. Obrestad

1. Halvard er nemnd på Skjærpe 1519/1521.

2. Orm er nemnd på Skjærpe i 1563. Han åtte 1 pund og skatta 1 lodd sylv. Ein Orm Skjærpe gav y² vett leidang i 1624. — Han kunne snaut vore den same som nr. 2.

3. Thor dt er nemnd på Skjærpe i 1563, skatta 1 dalar. Tore er nemnd i 1613, og Tor gav 1 vett leidang i 1624.

4. Halvard var på Skjærpe i 1602/1603.

5. Peder Skjærpe var vitne i ei sak som Olluff Thollufson førde mot Erik Bratland i 1619.

5B. Trond og Tore Skjærpe er nemnde i ei sak i 1640. Trond var gift med Gove. (Sjå Tingbok I side 52.)

6. Einar Olson brukte 18 spand i Skjærpe i 1645/1665. Han var fødd kring 1605. I 1644 stemnde han gamle Hans Garborg for Retten, fordi han meinte han hadde mjølka kyrne hans. (Sjå Tingbok I side 75.)

7. Ola Jonson brukte 18 sp. i 1645/1665. Han var fødd kring 1603, gift med Marit Salomonsdotter Skretting, som der var skifte etter 18-6 1679 (sjå Skretting 5. 6.). Ho hadde vore gift før, og hadde barn med første mannen, men me får ikkje vita namn på korkje mannen eller barna. Med Ola Jonson hadde ho ein son:

Lars Olson Høyland, f. 1648 (Høyl. 24.).

8. Ola Hansson brukte 18 spand i 1645/1665. Han var lagrettesmann i 1655. — Fødd kring 1615, gift 1) med Marit Svendsdotter, som hadde barn av eit tidlegare gifte. Der var skifte etter henne 21-3 1670. Det er uvisst kven første mannen hennar var og kva barna deire hette. Ola gift 2) med Anna Knutsdotter. Der var skifte etter Ola Hansson 20-9 1676. — Peder Grøtheim hadde stemnt Ola Hansson Skjærpe for Retten til 25-11 1671, for han hadde kjøpt ein hest av han for 4 dalar, men nekta å betala meir enn 3 dalar. — Peder baud seg til å ta att hesten for 2 dalar på vilkår at han var like god som då Ola fekk han. Det ville ikkje Ola gå

med på. Han vart dømd å betala Peder 1 dalar innan 14 dagar. — Ola Hansson hadde 2 barn i første gifte:

1. Eli Olsdtr.
2. Hans Olson Skjærpe (sjå nr. 12). Ola åtte 2^{iy} spand i Skjørestad og y² pund i Tjensvoll i 1675.

9. Rasmus Skjærpe veit me ikkje anna om enn at ein Omund Rasmusson Skjærpe tente i Sirevåg i 1701.

10. Bård Olson Skjærpe brukte 9 spand i 1665, og Einar Olson brukte dei andre 9 spand. Bård var fødd kring 1630 og kunne vel vore gift med Einar si dotter (sjå 6.), men det veit me ingen ting om.

10B. Halvard Torkelson byksla 18 spand i Skjærpe i 1696 av futen Nicolaj Preuis. Han flutte straks etter til Aniksdal i Varhaug (sjå der nr. 22).

11. Snare Olson var på Skjærpe i 1701. Han var fødd kring 1640, og kunne vore stykson eller verson til Ola Jonson. Han var gift 2 gonger, og første kona heitte Magnhild Olsdotter. Ho døde i 1695, og skifte etter henne var halde 13-6 det året. Den andre kona veit me ikkje namn på. Snare hadde 5 barn i første gifte og 1 i andre:

1. Ola Snareson, fødd kring 1674.
 2. Aslak Snareson, f. 1681.
 3. Malena Snaresdtr.
 4. Berit Snaresdtr.
 5. Maren Snaresdtr.
 6. Torgier Snareson, f. 1698.
- Me veit ikkje meir om barna.

12. Hans Olson Skjærpe var son til nr. 8. Han var fødd kring 1640. Var truleg gift med Sissel Ivarsdotter Risa (sjå Risa 20. 2.). Hans Olson brukte 1 pund i 1718 - 1733. Han åtte sjølv 12 spand, og presten Ludvig Schultz og Niels Preutz åtte 6 sp. kvar. Me kjenner til 4 barn:

1. Ola Hansson Nord-Varhaug, fødd 1679 (sjå Nord-Varhaug 18.).
2. Hans Hansson, f. 1686, levde i 1701, og var truleg den Hans Hansson som er nemnd i 1727. (Sjå Tingbok IV side 31 og 32.)
3. Tore Hansson, f. 1690.
4. Rasmus Hansson Skjærpe, fødd 1694 (14.).
5. Ei dotter er nemnd i 1727. (Sjå Tingbok IV side 32.)

12B. Sven Hegelstad åtte 12 sp. i Skjærpe. Under 15-12 1719 finn me fylgjande i

Tingboka: — "Kongl. Majestæts Fouget, Monsieur Montagne opbød for Almuen paa Tinget de 12 spand ødeliggende aarlig landskyld udj Skjærpe, som for lang tid siden bortdøde Sven Hegelstad forhen skall have været ejende, og næst afvigte Vaarting hans Kongelige Majestæts er bleven tildømt, om nogen samme Gaardepart til brugelighed for skatterne, eller en deel af dem, at betale, ville antage. Men dertil sig ingen indfandt, formedelst Gaardens slette tilstand og høye skyld. Hvoreffter fougden begjærede tingsvidne, som Retten iche viste at veigre." Denne Sven Hegelstad har truleg vore den Sven Lauritsson Hegelstad som budde på Hegelstad i Bjerkreim og var 80 år i 1701. Korleis han var vorten eigar av dei 12 spand i Skjærpe, er uvisst, det er mest truleg at han har arva dei. Desse 12 sp. låg øyde mange år seinare, og først kring 1790 kom dei inn under regulær drift, og i 1800 vart dei innløyste av Omund Johannesson og Tarald Toreson.

13. Jakob Jensson var son til Jens Larsson Næsheim (Næsheim 34. 1.). Han var fødd kring 1686 og budde på Skjærpe i 1718/1725. Han brukte 18 spand som Bø prestebol åtte. I 1758 var han komen til Sirevåg, og var då gift med Sissel Pedersdr. (sjå meir om han på Sirevåg, Oгна).

14. Rasmus Hansson Skjærpe var son til nr. 12. Han var fødd kring 1694. Gift med Malena Sørensdotter, som der var skifte etter 20-3 1755. Rasmus brukte 1 pund i 1742/1755, — det same som faren hadde brukt. Rasmus Hansson selde 18 spand i Skjærpe "som er gandske forfalden i hus og jord" til Kristen Jonson Næsheim i 1756. Han hadde 3 barn:

1. Søren Rasmusson, fødd 1718, gift med Marta Larsdr. Netland. Han budde på Herikstad og Øvre Haugland i Time.
2. Kirsten Rasmusdr., fødd 1720, gift 1) med Ola Rasmusson Håland, gift 2) med Rasmus Olson Håland (sjå Store Håland 10. og 11.).
3. Malena Rasmusdr., f. 1728, ho var hjå broren Søren på Haugland i 1758. Rasmus Hansson selde 18 sp. i Skjærpe. "som er gandske forfalden i hus og jord" til Kristen Jonson Næsheim i 1756.

15. Omund Larsson var komen til Skjærpe i 1730 etter Jakob Jensson. Han var son til Lars Omundson Bjorheim og første kona, Ingeborg Einarsdotter, fødd kring 1693, død 1767, skifte etter han 27-3 det året. Han var gift med Astrid Olsdotter,

fødd kring 1693, truleg dotter til Ola Olson Eikeland Aua i Oгна. — Omund Larsson byksla 18 spand prestegods + 6 andre spand. Dei hadde 6 barn:

1. Ranveig Omundsdr., f. 1718, gift med Lars Toreson Holen under Anestad (sjå Anestad 39 og Odland 33.).
2. Ingeborg Omundsdr., f. 1721, gift med enkjemann Ola Pederson Ødemotland (Ødemotland 8.).
3. Ola Omundson Sør-Varhaug, f. 1725 (sjå Sør-Varhaug 50.).
4. Malena Omundsdr., f. 1727, gift med Peder Ano (sjå Opstad 39.).
5. Astrid Omundsdr., f. 1734. — Ho var sinnsjuk og vanhelsa, døde ugift i 1801.
6. Karen Omundsdr., f. 1736, gift med Tore Taraldson (17.).

16. **Tollak Svenson Hetland** var son til Sven Olson Hetland i Oгна. — Han var brorson til kona hans Omund Larsson, fødd kring 1720, død 1777, skifte etter han 18-10 det året. Gift med Malena Ellingsdotter Vigrestad, fødd kring 1732, død 1784 (sjå Vigrestad 16. 6.). Tollak kjøpte 18 spand i Skjærpe av Kristen Jonson Næsheim i 1758 for 35 riksdalar, som Rasmus Hansson hadde selt til Kristen i 1756. Tollak Svenson og Malena hadde 4 barn:

1. Anna Tollaksdr., fødd 1747, gift med Omund Johannesson (18.).
2. Malena Tollaksdr., f. 1750.
3. Elling Tollakson, f. 1753, d. før 1777.
4. Karen Malena Tollaksdr., f. 1757, gift 1788 med Knut Andersson Dybing.

17. **Tore Taraldson Torland** (sjå Torland 24.) var fødd kring 1737, død 14-4 1820, gift med Karen Omundsdotter Skjærpe (15. 6.), fødd 1736, død 24-10 1808. Tore byksla 18 spand av presten Niels Grøver etter verfare i 1767. I 1788 fekk han kongeskjøte på 6 spand (øydegods), og sidan brukte han 1 pund og åtte 6 spand. Dei hadde 4 barn:

1. Tarald Toreson Skjærpe, f. 1773 (19.).
2. Omund Toreson, gift 1803 m. Johanna Olsdotter (Haugstad, Varhaug 28. 8.). (Sjå Høyland 55B.)
3. Eivind Toreson Skjærpe, f. 1777 (21.).
4. Tore Toreson, f. 1783, gift med Anna Adnesdr. Frøyland. Budde på Frøyland i Time.

18. **Omund Johannesson Lerbrek** (Lerbrek, Varhaug 15. 2.). Han var fødd kring 1752, død 3-3 1829, gift med Anna Tollaksdr. Skjærpe (16. 1.), f. 1747, d. (1825?), Omund fekk 12 spand med kona og kjøpte

andre 12 spand av syster hennar, Malena, i 1781 for 24 dalar. Han skulle og gjø oppsett til vermora. — I 1788 fekk han kongeskjøte på 6 sp. øydegods i Skjærpe. Desse 6 spand, og dei 6 spand som Tore Taraldson kjøpte samstundes, — var det halve pund som hadde vore øydegods og som hadde vore framboide på mest kvart ting frå 1700, og som Sven Hegelstad i si tid var bortrømd frå (sjå 12B.). — Omund Johannesson og Anna Tollaksdtr. hadde 4 barn:

1. Berta Malena, f. 1780, gift Palmesundag 1804 med Villas Nilsson Ueland (Ueland 51.). Budde på Helland i Time.
2. Tollak Omundson Skjærpe, fødd 1782 (20.).
3. Anna Johanna Omundsdotter, f. 1788, gift 30-7 1816 m. Nils Kristenson Næsheim (Næsheim 81.).
4. Karen Malena Omundsdotter, f. 1793, gift 17-12 1823 med Ola Gabrielson på Motland (sjå der 20.).

19. Tarald Toreson, son til 17., fødd kring 1773, d. 21-2 1840, gift 3-3 1799 med Ingeborg Simonsdotter Bjorhaug, fødd kring 1778, død 14-1 1856 (Bjorhaug 7. 4.). — Tarald byksla 18 sp. av Niels Grøver etter faren i 1795 og kjøpte andre 6 spand av faren same året. Tarald og Ingeborg fekk 9 barn:

1. Karen Berte, f. 29-6 1800, gift 12-3 1820 m. Elling Svenson Bratland i Varhaug (sjå Bratland 19.).
2. Tønnes, f. 1802, d. 1803.
3. Marta, f. 20-12 1804, gift 20-3 1830 med Kristian Gjermundson Herigstad (sjå Næsheim 92.).
4. Guri, f. 16-9 1807, d. 27-12 1808.
5. Tønnes Taraldson Skjærpe, fødd 15-11 1809 (25.).
6. Guri, f. 7-1 1813, gift 24-3 1833 med Elling Eivindson Næsheim (Næsheim 87.).
7. Ingeborg, f. 25-12 1815, d. 21-5 1817.
8. Ingeborg, f. 18-9 1818, gift 28-3 1839 med Tolleiv Tolleivson Høyland (Høyland 82.).
9. Taletta, f. 11-11 1821, d. 8-4 1822.

20. Tollak Omundson, son til 18., f. 1782, d. 3-7 1831, — gift 16-11 1808 med Tala Toresdtr. Våland, f. 1785 (Våland 15. 1.). Tollak kjøpte 12 sp. av faren i 1801 for 100 rdl. og 18 sp. i 1802 for 80 rdl. Då han var død gifta enkja seg med Omund Svenson. Dei fekk 6 barn:

1. Anna, f. 14-2 1810, gift 4-12 1834 med Ingebret Larsson Rongen (Kvia 36.).
2. Anne Berte, f. 4-9 1811, gift 28-3 1833

med Hans Hansson Risa (Risa 63. 8.).

3. Omund, f. 18-6 1813, d. 5-10 1813.
4. Rakel, f. 11-9 1816, gift 18-10 1842 med Lars Olson Versland.
5. Omund Tollakson Skjærpe, f. 23-9 1819 (23.).
6. Malena, f. 18-3 1822, gift 19-5 1846 med Omund Omundson Høyland.
6. Taletta, fødd 1825, gift 1-6 1847 med Gabriel Ellingson Bø (Bø 80. 6.).

21. Eivind Toreson, son til 17., var fødd kring 1777. Gift 1817 med Malena Larsdtr. som tente på Nærland. Ho var dotter til Lars Ellingson Holen under Ånestad (sjå der 54. 1.), fødd kring 1779. Ho døde truleg som legdlem på Øvre Horpestad i Klepp 12-9 1863. Eivind Toreson var husmann på Steinen under Skjærpe, som broren Tarald åtte. Han hadde 2 barn som me veit:

1. Karen Eivindsdtr., f. 1819, gift 1843 med Hans Hansson Hognestad, f. 1816.
2. Lars Eivindson Skjærpe, f. 1-5 1821, d. 4-10 1853, gift 1846 med Berta Hansdotter Hognestad, f. 1803, syster til Hans Hansson. Lars var husmann på Steinen etter faren. Han hadde ikkje barn. Berta døde 10-6 1857.

22. Omund Svenson Gausland (sjå Gausland 19. 2.). Han var fødd 1805, død på Bø-bakkane 11-1 1890. Gift 2-12 1832 med enkja etter Tollak Omundson, Tala Toresdotter. I 1830 hadde Ola Pederson teke over 12 spand av Tollak Omundson sine 30 spand. Frå 1850 til 1860 ser det ut til at dei andre 18 spand av Tollak Omundson sine 30 spand går frå mann til mann og frå hand til hand. — Omund Svenson kjøpte plassen Fenet under Torland i 1851 (sjå Torland 57.). Han var barnlaus. I 1850 selde han 3² spand i Hetland i Ognå til Tolleiv Pederson Hetland for 180 dalar. Tala Toresdtr. hadde følge av Peder Olson Skjærpe og seinare av Asbjørn Rasmusson.

23. Omund Tollakson, son til 20., f. 23-9 1819, gift 21-11 1839 med Elen Malena Abrahamsdotter Bjorheim (Bjorheim 15. 2.), f. 14-10 1819. Dei døde begge på Bjorheim, han 16-5 1895, og ho 19-1 1887. — Omund Tollakson står oppført med 18 spand etter Omund Svenson. Men i 1850 står Ola Pederson som brukar av desse 18 spand +12 spand. I 1841 gav Omund Tollakson skjøte til Ola Pederson på 12 spand for 350 dalar, og til Tønnes Taraldson på 6 spand for 120 dalar. I 1850 kjøpte han så iy³ spand i Torland (Medholen)

av Sven Tollakson (sjå Torland 58.). Der budde han til kring 1877, då han flutte til Bjorheim. Han hadde 3 barn:

1. Tollak Omundson, f. 12-6 1842, d. 15-1 1881, ugift.
2. Malena Omundsdr., fødd på Skjærpe 18-7 1845, gift 1875 med enkjemann Jonas Torgerson Bjorheim (sjå Bjorheim 20.).
3. Andreas Møller Omundson, f. på Medholen 10-7 1858, d. 31-7 1885, ugift.

24. Ola Pederson Ødemotland (sjå Ødemotland 10. 4.). Han var f. 1795, d. 15-5 1859, gift 1) 1825 med Ingeborg Pedersdotter Kvia, f. 1804, d. 23-10 1834 (Opstad 53.), gift 2) 1834 med Astrid Svensdotter Bratland, f. 1787, d. 1-8 1867 (sjå Bratland 14. 6.). Ola Pederson brukte 12 sp. i 1833 som han må ha fenge av Tollak Omundson sin part. I 1851 brukar han 24 spand. Dei siste 12 spand må han ha fenge av Omund Tollakson eller Omund Svenson, då dei flutte til Torland. Det er muleg at han hadde endå 6 spand. — Ola Pederson var ein meir enn vanleg ordhytten mann som der går mange hermingar etter ennå. Det var han som ikkje fekk "ei frea stonn" då han sat på kvernkallen. Ein annan gong kom han farande i farten opp om Bø, og då dei spurde kvar han skulle av sidan han var så i farten, svara han: "Eg skal til Risa itte vidje. Hu Astrid sede heima å helle kjydene." Dei brukte vidje til kuklavar i dei tider. Ola Skjærpe hadde 3 barn i første gifte:

1. Peder Olson Skjærpe, fødd 23-10 1826 (sjå 31.).
2. Petter Olson Vigre, fødd 5-3 1829 (sjå Vigre 50.).
3. Elisabet Olsdr., f. 6-8 1830, gift 1858 m. Ola Olson Rimestad (Rimestad 56.).

25. Tønnes Taraldson, son til 19., var f. 15-11 1809, d. 2-8 1858, gift 31-10 1837 med Kirsten Toresdotter Våland, f. på Helland i Time 7-11 1817 (Våland 19 I.). Tønnes Toreson kjøpte 6 spand av faren i 1835 for 60 dalar og 6 spand av Omund Tollakson i 1841 for 120 dalar. I 1855 fekk han kongeskjøte på 18 spand prestegods for 300 dalar. Dette skjøte er dagsett den 29-10 1855, men alt den 24 -3 vart fylgjande kjøpekontrakt oppsett og underskriven: "Undertegnede, Tønnes Taraldsen Skjærpe og et intresentskab av Nærbø sogns kommunalbestyrelse, og ellers saa mange som have interesse for sagen, have under dags dato indgaaet og afsluttet med hinanden følgende kjøbekontrakt: Jeg Tønnes Taraldsen Skjærpe erklærer

og erkjender herved og for alle vitterliggjør at have solgt, ligesom jeg herved sælger og afhænder til fornævnte intresentskab min brugte benefiserede anpart af mit eiende brug i Skjærpe af skyld 18 spand korn eller 1 daler 2 ort 21 skilling, Mtr. no. 14 — nyt 19, i Haa Thinglag, for den imellem os omforenede kjøbesumma 300 spd. er tre hundrede speciedaler, paa følgende betingelser: 1. De paa gaarden nu staaende huse forbliver Tønnes^ eiendom, uden at kjøberne deri skal have nogen eiendomsret, dog med den undtagelse, at hvis ikke den kjøbte eiendom bliver benyttet som skolegaard, klokkergaard, og det saaledes bliver afhændet til private, for dette tilfælde skal den nuværende gamle lade tilhøre den nu kjøbte eiendom. 2. Desuden beholder ogsaa Tønnes af den kjøbte eiendom de til samme hørende husegmdne og den hauge som ligger vestenfor den beskrevne gamle lade, saaledes, at hvad der ligger østenfor veien, der gaar fra Tønnes's vaaningshuse mod syd og fører til kirken og nordenfor veien, der gaar øst om Tønnes's smedehus til Ole Skjærpes eiendom, hvad der ligger imellem eller paa nordre side af disse veie og før har hørt til det kjøbte brug skal herefter eies af Tønnes, ligesaa det til gaarden hørende møllebrug. 3. Den paa gaarden hæftende følge til sælgerens moder, Ingeborg Simonsdatter, udredes af det kjøbte brug: a. 18 spand havremel, b. 3 spand bygmel, c. 2 spand rugmel, d. 2 tønne poteter, samt fodring og havning til 1 ko og 1 faar, hvilken følge tager sin begyndelse høsten 1855, og udredes i 2 terminer, en hvert aar om høsten og vaaren, hver gang det halve, og 3 mark læder aarlig. 4. Hvis, som paatenkt, det kjøbte brug bliver benyttet som skolegaard (klokkergaard) skal Tønnes beholde den samme ret til stolepladser i kirken som før, det er, at han tillægges stolesæde i kirken baade for sin og det kjøbte brugs Matrikulskyld paa den betingelse, at Tønnes udreder hvad der maatte tiltrænges til kirkens Reparation for begge brug. 5. Kjøbesummen, 300 speciedaler, indgaaes for, paa samme betingelse som kjøberen, Tønnes Skjærpe indgaar paa, eller det derfor bliver bestemt, ligesaa bliver det nærværende kjøbers egen sag at sørge for, hvorledes bestemmelserne skal være med den paa bruget hvilende jordavgift. Skjødets kostende, baade for Tønnes og kjøberne, udredes af nærværende kjøber, ligesom obligationen for kjøbesummen. 6 Eiendommen ryddiggjøres og kan tiltrædes til første faredag,

den 14 April 1855. Dette bekræftes med vaare hænders underskrift i hosstaaende vitterligheds vidners overværelse. Dateret Gaarden Næssem den 24 Marts 1855. Som sælger Tønnes Taraldson Schierpe. Som kjøbere: I. Gausland. S. O. Haaland. Simon Motland. Tobias Tørresen Qvie. John Qvie. S. P. Opstad. Omund Høyland, m.p.p. Sivert Qvie. Ole Gudmestad. I. Bue. Tollak Gudmestad. Peder Svalesen Opstad. Hans E. Opstad. Tønnes Schierpe. Ole Ødemotland. Til vitterlighed: Peder Pedersen Opstad. Nils Mauritsen Næssem." — Eit år seinare selde ovannemnde intresentskab dei 18 spand i Skjærpe til Nils Nilsson Gausland, den 15-3 1856. Og halvtanna år etter døde Tønnes Taraldson barnlaus.

26. Nils Nilsson Gausland (sjå Gausland 26.), kjøpte dei 18 spand i Skjærpe, som nemnt ovanfor, for 400 dalar og folge til enkja Ingeborg Simonsdr.

27. Jakob Svenson Kjedeland kjøpte dei 18 spand av Nils Nilsson i 1857 for 920 dalar.

28. Abraham Ingebretson Mæland (sjå Mæland, Varhaug 21. 4.), var fødd 22-4 1806, død 23-3 1887, gift 21-9 1858 med Taletta Gunnarsdr. Efjestad, fødd 14-3 1814, død 6-4 1881 (sjå Voll 67. 1.). — Abraham kjøpte plassen Steidn, $3\frac{1}{2}$ sp., av Jakob Svenson i 1858 for 120 dalar. Og i 1863 kjøpte han ein part av Peder Olson som hadde vore Tønnes Taraldson sitt. Abraham Ingebretson var barnlaus.

29. Eivind Andersson Fosse var son til Anders Eivindson Fosse frå Braut i Time og kona Anna Eivindsdr. (frå N-Braut). Han var f. 16-8 1807, d. 7-5 1884, gift 1) i Time 2-4 1837 med Anna Maria Johannesdr. Grøtheim i Time, f. 27-3 1808, d. 15-9 1847, dotter til Johannes Pederson Grøtheim og andre kona Maren Samuelsdr. frå Hognestad, gift 2) i Klepp 12-12 1848 med enkja etter Lars Larsson Braut, Margreta Toresdr., f. 16-11 1806, d. 11-4 1891, — dotter til Tore Isakson Åre og Jorina Tørresdr. Eivind budde på Grøtheim i Time med den første kona og på Braut med den andre. I 1860 kjøpte han 14y2 sp. i Skjærpe av Jakob Svenson for 800 spd. Eivind sleit tungt for å greida det. Men det gjekk berre tyngre og tyngre. Så tok han til å selja av garden. Fyrst selde han ein part, bnr. 6, til Lars Gabrielson Braut (sjå Bø 92.) i 1865, og eit anna stykke, bnr. 7 til ein Gudmund

Osmundson frå Hjelmeland i 1865. I 1872 selde han hovedparten, bnr. 4, til ein Oddmund Oddmundson Flatabø frå Hardanger for 400 spd. Han hadde då att berre ein liten part, bnr. 8, som enkja selde til Ola Rasmusson Hobberstad i 1884. Eivind hadde visst berre 2 barn i første gifte:

1. Elisabet, f. på Grøtheim 10-12 1837.
2. Johannes, f. 23-6 1840. Han hadde forpakta bnr. 4 av faren saman med Andreas Rasmusson 1862/67.

Eivind hadde ein son u. e.: Eivind Eivindson, f. i Time 17-11 1828, gift 23-11 1854 med Rakel Pedersdr. Undheim. Budde på Store Undheim (Fastabyde).

I Panteboka for 1864 har eg funne fylgjande: "Udskrift af Haa prestegjelds og Formandskabs forhandlingsprotokoller: I møde den 2-3 1861 blev som No. 2 tilført forhandlingsprotokollen saaledes: Ordføren fremlagde og refererede en skrivelse fra Hr. Sognepræst Andr. Hansen tilligemed udskrift af skolekommissionens forhandlings-protokoll, hvori meddeles dens udkast til regulering af skolekredsen i præstegjældet, hvorefter klokkegaarden bør være Skjærpe, og endelig at erhverve en passende jordvei til kirkesangeren ved Varhaug. Skrivelsen indeholdt derfor anmodning om at bevilge 2de af skolelærerne tillæg i lønnen. Sagen gaves behandling og overveielse, og representationen kom mod en stemme til det resultat at afgive saaledes erklæring:

a. Mod det af skolekommissionen gjorte udkast til kredsinddeling haves for tiden intet at erindre, naar undtages, at udgifterne til erhvervelse af skolestuer i hver kreds vil overstige kommunens kræfter. Thi — b. I haab om at kunne erholde et tilskud af offentlige midler, skal skolekommissionen sørge for at den anpart af gaarden Skjærpe, hvortil adgang haves, bør erhverves til klokkegaard for kirkesangeren ved Nærbø, ligesaa en passende jordvei for kirkesangeren ved Varhaug." Minoriteten, Hans Aanestad, anførte at han havde intet imod den afgivne erklæring, dersom det bliver bestemt at skolestuer opføres samtidig med de faste skoler. Han antog, at der burde skaffes jordvei til alle skolelærere, som, hvis det lod sig udføre, rettest burde anskaffes for hver kreds's regning. Til forhøielse i lønnen for skolelærerne Ole Høien og Ingebret Gausland bevilges efter skolekommissionens bestemmelse. Udskriftens rigtighed vedgaas S. O. Haaland. Haa Skolekommission anlagde i henhold

til nærværende beslutning sag mod gaardeparten Skjærpes sidste eier, Even Andersen, til gaardens fravigelse mod at erholde udbetalt en viss sum penge ifølge kjøbekontrakt mellem Nils Nilsen Gausland og et intresentskab af 15-3 1856. Denne sag, som jeg udførte for skolekommissionen, forlangte denne under 2-7 1862 hævet, fordi den ikke vilde holde (sin? som?) fordring ifølge kontrakten igjennem.-----Haa den 1 marts 1864. John Johnsen."

Under 24-1 1864 i Panteboka: "Aflæst kjøbekontrakt af 5-5 1860 fra Jakob Svensen Dybing Skjærpe, til Even Andersen Skjærpe aflæses."

Og videre under same datum: "Til Haa præstegjelds Skolekommission: I anledning Hr. Sognepræstens ærede af 11 dennes, haver undertegnede Intresentskab været samlet for at samtale og meddele de i skrivelsen ønskede oplysninger. Man var her enig om: at oversende den ærede skolekommission kjøbekontrakten, hvorefter Intresentskabet havde afhændet gaardeparten i Skjærpe, og overdrager herved skolekommissionen eller kommunen den samme forbeholdte løsningsret som fremdeles inden tiden for samme er udløben maa være gjeldende. Det vil saaledes af kjøbekontrakten kunne erfares paa hvilke betingelser omhandlede gaardepart kan erhverves for kommunen til klokkegaard, nemlig for 400 spdl. foruden husene, og intresentskabet maa udtrykkelig erklære, at det ikke vil tilbagebetale noget af hvad det har oppebåret, eller ikke heller fordre noget for sine udlæg, men overdrage det saaledes som det for tiden er til skolekommissionen med ønsket om, at hensigten med gaardeparten måtte opnåes. Dat. 22-4 1861. Ærbødigst. O. I. Gausland, Sivert Qvie. Tobias T. Qvie. Hans E. Opstad. I. Bue. S. Motland. S. P. Opstad. Peder Svalesen Opstad. Tollak Gudmestad. Om. Omundsen Høyland. Ole Gudmestad. Ole Ødemotland. Peder O. Skjærpe. Jon Qvie. S. O. Håland."

30. Tore Osmundson var frå Gaubås i Skjold. (Eg har meint at han var bror til Gudmund Osmundson som er nemnd under 29.?) Under 10-7 1863 heiter det i panteboka: "Peder Olson Skjærpe selger av den med min kone Kirsten Toresdtr. overtagne part, 3 ort 3 skilling, til Tore Osmundson Skjærpe for 390 spdl. Med gården følger den nordre stue og kammer samt taget derover av våningshuset og halve laden, samt halve fjøset. Det be-

mærkes at kjøberer overtager anpart efter skylden av den på gården hvilende gjeld til Oplysningsvæsenets Fond, i hvilken gjeld dog kun 1 da. 2 ort 13 skil. deltager, idet de øvrige 8 skil. ere frie. Endvidere overtager kjøberer i forhold til skylden afgift til sognepresten på den hele gårdepart. Haa den 9-11 1863. Peder Olsen Skjærpe." — Korleis det heng i hop med dette veit eg ikkje. Men Tore Osmundson er ikkje nemnd i matrikelen for 1865. Han er likevel med i futerekneskapen frå 1863 til 1867 med 3 ort 3 skil. Av dette har Lars Gabrielson fenge 2 ort 18 skil. i 1869. I 1874 står Hans Gabrielson oppført med 2 ort 11 sk. (bnr. 6?). Det må vera Hans Gabrielson Bø (Bø 98.) som her er meint? — I 1872 selde Tore Osmundson bnr. 7, 16 skill., — til Hans Abrahamson. Men Tore står sjølv som eigar av denne parten i 1886? I 1872 selde han videre 2 ort 11 sk. (bnr. 6) til Lars Torkelson?

31. Peder Olson Skjærpe, son til 24., f. 23-10 1826, d. 1-2 1903, gift 1) 29-3 1860 med enkja etter Tønnes Taraldson, Kirsten Toresdtr., d. 31-5 1886, gift 2) 20-12 1889 med Maria Pedersdtr. Bø, f. Kvia 23-8 1843. Peder tok over 12 sp. av faren i 1855 for 400 spd. I 1860 tok han over 12% sp. med kona etter Tønnes Taraldson. Av det siste selde han 1 ort 6 skill. (Steinen?) til Abraham Ingebretson i 1863. Dette må ha vore dei 3y2 sp. som Abraham hadde kjøpt av Jakob Svenson Kjedeland i 1858, og som Peder Olson gav skjøte for i 1863. I 1861 selde Peder 14 sp. av farsbruket til Asbjørn Rasmusson. Peder Olson var lenge graver og dørvaktar ved Nærbø-kyrkja. Han hadde ein son: Ole Tobias Skjærpe, f. 9-7 1862 (sjå 41.).

32. Asbjørn Rasmusson Bø (sjå Bø 83. og Næsheim 98.), var f. 3-5 1808, d. 10-7 1892. Han vart overkøyrd av toget. Gift 11-11 1847 med Berte Halvarsdtr. Netland, f. i Bjerkreim 23-7 1819, d. 30-1 1908, dotter til Halvard Bjørnson Netland i Ørdsalen i Bjerkreim og kona Ingeborg Mathiasdtr. Asbjørn budde ei tid på Skrettingland etter at han var reist frå Næsheim. I 1860 kjøpte han ein part på Skjærpe av Peder Olson, bnr. 3, for 580 spd. — Eg siterar frå skyldelingsforretninga: "Peder Olsen Skjærpe har solgt en del av sine eiende parter av Skjærpe, nemlig Lnr. 88 og 90, tilsammen skyld 2 dal. 15. skill. (24 spand) som bliver at dele efter eierens bestemmelse. Delingen og skylden

blev bestemt saaledes: Linjen begynder østenfor Asbjørns lade, går først i sydost til et opført stengjærde, og følger gjærdet i retning mod øst til den støder mod udmarken. All den eiendom av ager og eng som har tilhørt dette brug som er beliggende sønden- og vestenfor denne linje tillægges Asbjørn Rasmussen, og all den eiendom som er beliggende på den motsatte side tillægges Peder Olsen. Skylden paa den til Asbjørn solgte del bestemmes til 14 spand — ny: 1 dal. 1 ort 5 skill., og Peder Olsens igjenhavende del, 10 spand — ny: 4 ort 10 skill. Udmarken blev delt efter den her beskrevne skyld således: Lijen begynder østenfor butrædet ved kvernedammen ved en nedsat sten, gaar mod øst efter nedsatte stene i lige linje indtil den støder i skiftet mod Bjørhaug 6 alen nordenfor Bø-engen. All den udmark som ligger søndenfor denne linje udlægges Asbjørn Rasmussen, og udmarken nordenfor linjen Peder Olsen. Hvad delingen av udmarken angaar forbeholder parterne sig frihed at prøve ved overskøn. Det nedre av møllebrugene, som er beliggende i Peders udmark tilhører Asbjørn, og det øvre møllebrug Peder Olsen — etc. T. T. Obrestad. C. R. Skrettingland. Hans Aanestad. N. Njølstad." Asbjørn fekk skjøte av Peder Olson på denne parten av skuld 1 dal. 1 ort 5 skill, den 19-10 1867 for 500 spd. + folge (%) til Tala Toresdr. (sjå 22.) og 100 spd. av skulda til "Fogdeembedsgaarden Skeis Fond". Asbjørn og Berte Skjærpe fekk 4 barn som var fødte på Næsheim:

1. Anna Maria, fødd 21-11 1848, død 27-6 1849.
2. Rasmus Skjærpe, f. 4-12 1850 (35.).
3. Ingeborg Maria, f. 19-3 1852, gift med Bertel Skjærpe (34.).
4. Hans Mikal Næsheim, f. 10-1 1855, d. i Amerika, gift 23-9 1880 med Johanna Maria Samueldotter Gimra i Håland. Hans Mikal budde på Nærbø til han i 1890-åra reiste til Amerika, der han han omkom ved ein voldeleg død. Dei fekk 5 barn:
 1. Sven, f. 7-7 1881.
 2. Asbjørn, f. 20-6 1883.
 3. Hans, f. 23-9 1885.
 4. Anna, f. 1-6 1888.
 5. Bernhard, f. 20-6 1890.
 Alle barna og mora reiste til Amerika.

33. Andreas Rasmusson var son til Rasmus Andersson Fotland i Time som var tvillingbror til Eivind Andersson Skjærpe. Mor hans var Johanna Maria Pedersdr. Fotland. Han var f. 13-10 1844, d. 2-2 1924,

gift 1) 1873 med Syneva Siverine Petersdr. frå Stamppe i Vikadal, f. 1850, d. 24-10 1896, gift 2) 16-12 1908 med Ingeborg Olsdr. Hopland frå Lindås. Andreas hadde forpakta garden av farbroren Eivind Andersson saman med Johannes Eivindson i 1867 og saman med Jonas Larsson Dysjaland (Kalle-Jonas) i 1868. I 1873 kjøpte han bnr. 4 av farbroren på tvangsauksjon for 342 spd. Det meste av dette var pengar han hadde tilgode hjå farbroren. — Eg siterar or panteboka: "4-8 1873 blev efter forlangende av Andreas Rasmusson Fotland, tvangsauktion avholdt paa Skjærpe over en anpart i gaarden Skjærpe, Lnr. 89a. og 92a. af skyld 3 ort 4 skill, med huse og herligheder, hvilke eiendom af Even Andersen var pantsat til rekvirenten ved obligation af 9-11 1863. Forretningen udførtes paa sorenskriverens vegne og efter hans bemyndigelse af const. lensm. Jon Jonson med undertegnede vidner: Simon S. Motland etc. Den nevnte anpart Lnr. 89a. 92a. af skyld 2 ort 15 skill, blev ved samme auktion solgt til Andreas Rasmusson Fotland for 342 spd. som senere har overdraget samme til Bertel Bendikson for 400 spd." Dette var same parten som Omund Flatabø fekk skjøte på frå Eivind Andersson i 1872 for 400 spd. Eg veit ikkje kvar Andreas budde dei første åra etter han hadde gifta seg. Kanskje var han framleis hjå farbroren til 1883, då han kjøpte Steinen av Abraham Ingebretson mot livsfolge til han. — Han hadde 10 barn i første gifte og 1 son i andre:

1. Johanna Andreasdr., fødd i Sandeid 1873.
2. Berte, f. 26-10 1874.
3. Rasmus A. Skjærpe, f. 22-8 1876, d. 10-7 1961, gift med Mathea Andersen. Dei omkom i ein hotellbrann i Oslo.
4. Seline Skjærpe, f. 2-3 1879, gift 18-11 1898 med snekker Lars Gjermundson Haugland. Budde på Nærbø (Vigrestad 41.).
5. Petter Skjærpe, f. 2-9 1881. Reist til Amerika
6. Anna, f. 31-12 1883, d. 18-3 1884.
7. Anna Skjærpe, f. 29-5 1885, gift 10-3 1905 med Sivert Gjermundson Haugland (Vigrestad 41. 9.).
8. Andreas A. Skjærpe, fødd 26-1 1888. Reist til Amerika.
9. Gabriel A. Skjærpe, fødd 8-6 1890. Reist til Amerika.
10. Bergine Skjærpe, f. 11-8 1892.
11. Marta Skjærpe, f. 20-9 1894.
12. Ole Elias A. Skjærpe, f. 12-1 1909. Bur på Steidn.

34. Bertel Bendikson Lode (sjå Lode 50. 4.). Fødd 18-3 1845, død 10-1 1891, gift 4-5 1872 med Ingeborg Maria Asbjørnsdtr. Skjærpe, fødd 19-3 1852, død 2-7 1915 (sjå 32. 3.). Bertel kjøpte bnr. 4 av Andreas Rasmusson i 1873 med skjøte av 16-10 1877 for 400 dalar. Dei fekk 10 barn:

1. Andreas Bernhard, f. 15-2 1874, d. i Stavanger 1918, gift 17-10 1895 med Olina Toresdtr. Lende, f. 24-4 1875. Han var konduktør og budde mest i Stavanger.
2. Benjamin Skjærpe, f. 3-7 1875 (49.).
3. Karen Skjærpe, f. 25-7 1877, gift 24-9 1899 med Sven Torstenson Ånestad (Ånestad, Varhaug 103.).
4. Bertel Bertelson Skjærpe, f. 10-8 1879, død på Hinna 27-12 1909, gift med Olava Lura. Han var banevaktar.
5. Ingeborg Maria, f. 25-11 1881, gift 11-12 1904 med Ingvald Jonson Obrestad (Obrestad 43.).
6. Asbjørn Skjærpe, f. 3-12 1883, d. 22-5 1957, gift 1) 23-10 1912 med Hansine Jonsdtr. Hetland, Sandnes, f. 1885, d. 1918, gift 2) 25-6 1921 med Karen Lotte Stangeland, f. 4-6 1887. Han var konduktør og budde i Stavanger.
7. Anna Maria, f. 22-5 1885, gift 17-10 1925 med Torgeir Edland (Bø 161.).
8. Hans Reinert Skjærpe, f. 4-6 1887, d. 10-1 1957, gift 10-10 1915 med Olina Skår, f. 24-12 1892, d. 21-8 1965 (Bø 139. 3.). Godsekspeditor ved jernbanen i Sandnes.
9. Berte, f. 4-6 1889, gift 4-5 1913 med Torgeir Edland (Bø 161.).
10. Inga Bertine, f. 6-4 1891, gift 5-12 1914 med smed Lars Larsen, Nærbo.

35. Rasmus Asbjørnson Skjærpe, son til 32, f. 4-12 1850, d. 8-9 1930, gift 6-4 1876 med Elen Jonasdtr. Bø, f. 19-10 1847, d. 2-11 1931 (sjå Bø 81. 5.). Rasmus tok over bnr. 3 av faren i 1879. Rasmus Skjærpe var kjend av alle som ein særskild dugande mann i alt han tok seg føre. I sin første ungdom gjekk han på stein og jordarbeid. Så kom han med på hamnearbeid, og då arbeidet med Jærbana tok til var han med der frå første stund. Sidan, då bana var ferdig-bygd, vart han banevaktar og sidan banemeistar. Han var og nytta både som doktor og dyrlækjar og ingeniør. — Han var ellers ein god rådgjevar i mest alle mulege ting. Han var brålynd og var ikkje god å ha med å gjera, når brålyndet stakk han. Han åtte likevel stor vyrndnad både hjå dei som stod over han og dei han hadde under seg. Han var ein adelsmann som hadde fortent den heiderspris

han fekk av kongen. — Rasmus og Elen Skjærpe fekk 8 barn:

1. August Skjærpe, f. 1-8 1876 (44.).
2. Jonas Skjærpe, f. 29-3 1878, d. 27-7 1964, gift 1-3 1901 med Sina Vestly, f. 26-2 1880. Han var sjøm. i ungdomen, seinare dykkar og mekanikar. Bustad Vaulen.
3. Berte R. Skjærpe, f. 13-5 1880, gift 1) 24-5 1913 med Håvar Undem, f. 26-2 1876, gift 2) 26-9 1925 med Tønnes Tørresson Kvia (Kvia 57. 3.).
4. Rasmus R. Skjærpe, f. 31-5 1882, gift 21-3 1908 med Olina O. Nærland, f. 11-6 1882 (Nærland 42. 5.). Banemeistar.
5. Berta R. Skjærpe, f. 27-11 1884, gift 6-4 1906 med Torkel Søyland (Søyland 43. 1.).
6. Elen Skjærpe, f. 23-1 1887, gift 2-9 1905 med Arne Gunneriusson Qvam, f. 1883. Baneformann på Varhaug.
7. Anna Maria R. Skjærpe, f. 18-7 1890, gift 17-6 1917 med Jakob T. Høyland, f. (1887?) (Reime 50. 2.).
8. Rakel Skjærpe, f. 1-4 1892, d. 11-7 1969, gift 24-4 1919 med Ivar Streitlien, f. 21-11 1891. — Folkehøgskulelærer på Gudå, Tunset.

36. Lars Torkelson Undheim, son til Torkel Torkelson Litle Undheim og Guri Jespersdtr. Skårland. Fødd 1-12 1833, gift 12-4 1866 med Ane Berte Oliversdotter Næsheim (Næsheim 95. 2.), fødd 13-5 1837 (ho var døypt Hanne Bertine). Lars Torkelson fekk skjøte på bnr. 6 frå Lars Gabrielson Braut med fullmakt frå Tore Osmundson i 1872 for 200 dalar. I 1881 selde han til Marselius Olson Bø og reiste til Amerika. 4 barn:

1. Gurine, f. 5-1 1867.
2. Olina, f. 20-7 1872.
3. Olava Tomine, f. 10-10 1877.
4. Laurits Bertinius, f. 29-10 1880.

37. Marselius Olson Bø (Bø 130.), kjøpte bnr. 6 av Lars Torkelson i 1881. I 1897 flutte han til Bø. Presten Lars Oftedal hadde kjøpt dette bruket. I 1898 budde bakar Theodor Anda på Nærbo der ei stutt tid.

38. Sven Torkelson Høyland (sjå Høyland 104. og Rimestad 62.). Han kjøpte bnr. 6, kanskje av Lars Oftedal, i 1899. Då Sven døde i 1926 tok døtrene Sofia og Gina over bruket.

39. Ola Rasmusson Hobberstad var son til Rasmus Erikson Hobberstad i Varhaug og Berta Kirstina Rasmusdtr. (Hobber-

stad 40. 5.), f. 31-1 1834, d. på Obrestad 29-2 1916, gift 1) 19-5 1864 med Rakel Taletta Larsdtr. Lode, f. 1842 (sjå Lode 45. 7.), gift 2) 6-5 1884 med Berta Maria Gunnarsdotter Djøseland, f. 1-1 1840, d. 16-12 1928 (Djøseland 36. 2.). Ola hadde butt ei tid på Djøseland og ei tid i Stavanger, då han i 1884 kjøpte bnr. 8 av enkja Margreta Toresdotter. I 1903 selde han til bakar Lars Larsen på Nærbø og flutte til sonen på Obrestad. Han hadde 2 barn i Iste gifte:

1. Rasmus Olson Obrestad (f. i Stavanger 10-1 1870 (Obrestad 40.)).
2. Berta Kirstina, fødd i Stavanger 16-4 1873, gift 25-8 1898 med Lars Larsson Obrestad (Obrestad 39.).

40. Hans Abrahamson Høyland (Høyland 89. 1.), f. (1829?), d. 26-4 1896, gift 23-4 1868 med Anna Kirstina Eriksdtr. Næsheim, f. 29-1 1839, d. 7-2 1918 (Næsheim 97. 2.). 14-5 1872 var halde skuldelingsforretning på Skjærpe etter krav frå Hans Abrahamson over ein part av Lnr. 89d. og 92d. som i si tid hadde høyrert til Tore Osmundson. "Eiendommen er fraskildt ved et stengjærde som gaar fra øst mod vest fra Asbjørn Rasmussens eiendom til det støder i Ødemotlands-tjørn. Den eiendom, baade indmark og udmark som ligger paa søndre side af denne linje er kjøbt af Hans Abrahamson, og eiendommen paa nordre side tilhører Lars Torkelsen. Disse dele af eiendommen optoges under maal og skjøn, hvorefter skylden blev bestemt saaledes: Lars Torkelsens eiendom, Lnr. 89a. 92a. bør have en skyld af 2 ort 11 skill. Hans Abrahamsons eiendom, Lnr. 89/92, bør have en skyld af 16 sk. eller ny: 14 skill. Efter meddelte oplysninger skal Hans Abrahamson have $\frac{1}{3}$ af torvteigen i Dalen i Asbjørns bumark. De øvrige $\frac{2}{3}$ tilhører Lars Torkelsens brug..... 7-6 1872. S. O. Haaland. N. Njølstad. Tobias T. Kvie. T. S. Gudmestad." — Så mykje om dette skifte. — Hans Abrahamson hadde ikkje barn.

41. Ole Tobias Pederson, son til 31., f. 9-7 1862, gift 8-11 1889 med Lisa Toresdtr. Lende, f. 28-10 1867, dotter til Tore Larsson Lende og Olina Olsdtr. Ole Tobias tok over bnr. 2 etter faren i 1889. O. T. Skjærpe var mykje nytta i det kommunale stell og styre. I 1940 selde Ole Tobias bruket til Torodd Gudmestad. Dei fekk 3 barn:

1. Kirsten, f. 2-8 1890, d. 7-8 1944, gift 19-10 1912 med Asbjørn Åsland. Lager-

sjef hjå firmaet T. Skretting, Stavanger.

2. Oli, f. 7-1 1909, gift 20-7 1946 med Olav Ohnstad.
3. Per, f. 15-9 1911.

42. Erik Tønnesson Håland var son til Tønnes Tollakson Håland i Varhaug og Torborg Maria Olsdtr. (Håland 74. 3.), f. 14-2 1874, gift 10-4 1899 med Ingeborg Margreta Søyland, f. 20-1 1873, d. 24-9 1929 (Søyland 30. 5.). Erik tok over bnr. 7 av enkja Anna Kirstina Eriksdtr., som var Ingeborg Margreta si moster. Erik var skomakar. Dei fekk 4 barn:

1. Trygve Håland, f. 18-10 1899, gift 1925 med Karen Olene Ertkern, f. i Time 23-4 1898. Han er fengselsbetjent på Opstad. Bur på Nærbø.
2. Inga Maria, fødd 22-2 1903. — Bur på Skjærpe.
3. Arne Håland, f. 5-8 1904, gift 1930 med Elisabet Tunheim, f. 20-3 1899. Bur på Tunheim.
4. Margit Terese Håland, f. 16-12 1906, d. 23-7 1959, ugift. Ho og systera tok over bruket i 1944.

43. Lars Larsen, son til Tønnes Larsson Lode og kona Marta Malena Jonasdotter, Stavanger (sjå Lode 45. 3.). Han var fødd i Stavanger 1869, død 21-12 1940, gift 13-10 1894 med Berta Edland, fødd på Bø 25-4 1873, død 1-11 1925 (sjå Bø 112. 3.). — Lars Larsen kjøpte bnr. 8 av Ola Rasmusson Hobberstad i 1903. Han var bakar på Nærbø frå kring 1890, først hjå T. Gudmestad og sidan hjå Nærbø Handelslag. Dei fekk 10 barn:

1. Marta Malena, f. 23-12 1894, gift 21-7 1921 med Alfred Risa, Rennesøy, f. 1895. Lærar.
2. Tønnes Larsen, f. 3-9 1896, d. 21-8 1969, ugift. Reiste til Montana.
3. Gabriel, f. 26-4 1898, d. 25-3 1899.
4. Sem Larsen, f. 26-4 1898, gift med Hilda Vatne, f. 10-5 1905. — Han er bakar i Nærbø Handelslag.
5. Maria, f. 7-10 1900, gift 23-11 1924 m. Mathias Møller (Bjørhaug 17. 6.).
6. Gabriel, f. 7-2 1902, d. 25-9 1926. Han var bygningsmann.
7. Borghild, f. 1-4 1904, gift med Bernhard Bore, bonde på Røyneberg i Sola.
8. Gudrun, f. 15-5 1906, gift med enkjemann Olav Høyland Båden (Reime 64.).
9. Torleiv Larsen, f. 19-12 1908 (55.).
10. Olav Larsen, f. 17-9 1912, gift 5-2 1938 med Petra Agathe Aadnesen, f. 3-1 1914 (sjå Nærbø 196.).

44. August Skjærpe, son til 35., fødd 1-8 1876, gift 12-6 1903 med Maria Nærland, fødd 23-12 1875, død 8-1 1958 (sjå Nærland 42. 2.). August Skjærpe tok over bnr. 3 etter faren i 1905. Han har vore ein mann med mange og gode hugsmål. Ein av Noregs fremste (og framleis) aktive skyttarar. Tallause er dei trofear han har sankt heim frå sine mange skyttarferder rundt heile landet gjennom eit langt liv. Men det er ikkje berre skyttarsaka han har vore talsmann for. Fråhaldsaka har og hatt ein ihuga stridsmann i han August. Og i politikken har han jamt halde strake liner og aldri vore redd for å målbera meiniane sine. Der er nok dei som meiner, at dei heidersteikn og diplomar som han August har vunne som bonde og gardbrukar, dei var det ho Maria som skulle hatt. Og det skal vera sagt med rette, at sjeldan har vel ei bondekone synt større omsut og ofra seg meir for heimen og garden enn ho Maria Skjærpe. Ho har så visst ikkje den minste parten av æra for at Skjærpe er det det er i dag. August reiste mange år for Norsk Cementforening som rådgjevar eller konsulent i sementarbeid. Då han slutta, vart han heidra med kongens sølvmedalje og 150 kroner frivillig pensjon pr. månad av Cementforeningen. — Maria og August Skjærpe hadde 4 barn:

1. Ragnvald Skjærpe, f. 4-7 1905 (sjå 53.).
2. Elbjørg Skjærpe, f. 15-9 1907, gift 6-8 1932 med Sigvard Horpestad, Tu, f. 3-2 1907.
3. Odd Skjærpe, f. 24-6 1909 (54.).
4. Jorunn Skjærpe, f. 15-9 1911, gift 18-9 1937 med Tønnes Svenson Lode (Lode 82. 4.). Handelsmann på Nærbø.

45. Peder Isakson Risa (Risa 93.). Fødd 26-9 1874. Gift 19-4 1901 med Gurina Svendsdotter Ånestad, fødd 7-5 1876, død 4-1 1956 (sjå Ånestad, Varhaug 78. 9.). Peder Risa brukte farsgarden på Risa som han selde til verbroren Ingebret Larsson i 1897. Sidan dreiv han som bygningsmann og for på fiske i Skudesnes og til Island. I 1904 kjøpte han ein utmarkspart på Skjærpe, der han budde til han i 1930 kjøpte bnr. 1 på Bø. Frå denne parten på Bø var det at tippoldefar hans var fødd, Peder Josefson, som i 1771 vart gift med enkja på Hobberstad, Anna Torstensdtr., og vart buande på Hobberstad (sjå Bø 42. 1. og Hobberstad, Varhaug 36.). Peder og Gurina Risa hadde 9 barn:

1. Isak Risa, f. 13-10 1901. Var mange år i Amerika, men seinare busett i Stavanger.

2. Sven Risa, f. 8-6 1903 (sjå Bø 188.).
3. Sigbjørn Risa, f. 29-3 1905. Busett i Amerika.
4. Peder Risa, f. 29-4 1907, busett i Montana, gift med Hilda Haugland.
5. Gunvor Risa, f. 9-6 1909, gift 3-10 1938 med Olav Lauvsnes, Jørpeland, f. 7-10 1910.
6. Olav Risa, f. 30-6 1911.
7. Gitlaug Risa, f. 11-2 1914, gift 1947 m. Halvard O. Skretting, fødd 24-1 1916 (Skretting 119. 9.).
8. Harald Risa, f. 30-6 1916.
9. Liv Risa, f. 25-7 1926, gift med Trygve Våland.

46. Enevald Gudmestad (sjå Gudmestad 40. 5.) var fødd 10-4 1878, død 23-6 1947, gift 8-4 1911 med Elisabet Eriksdotter Odland (Odland, Varhaug 64. 2.), f. 21-10 1890, d. 20-9 1944. Enevald Gudmestad kjøpte ein utmarkspart på Skjærpe jamsides Peder Risa i 1904. Han dreiv helst med stein- og jordarbeid og som gråsteinsmurar. Dei hadde 7 barn:

1. Astrid Gudmestad, f. 30-6 1912.
2. Anna Gudmestad, f. 17-9 1913, gift 23-9 1939 med Peder G. Ueland (Ueland i Varhaug 80. 8.).
3. Elbjørg Gudmestad, f. 16-1 1915, gift 30-1 1937 med Elias Tønnesson Reime, bygningsmann (Reime 55. 7.).
4. Nils Gudmestad, f. 18-9 1918 (58.).
5. Elfrid Gudmestad, f. 11-8 1920, gift 1945 med Torjus Ueland. Sjåfør på Opstad (Ueland, Varhaug 80. 9.).
6. Elsa Gudmestad, f. 3-5 1923, gift 1947 med Per Terland, Eigersund.
7. Tora, gift 1948 med Lars Mangseth.

47. Rasmus Lervik, — var frå Vestnes i Romsdalen, son til Peder Frantsson Lervik. Fødd 1871, død 5-6 1942, gift 5-11 1897 med Jørgine Torgersdotter Herikstad, f. 5-4 1870, død 13-10 1950 (Herikstad, Varh. 62. 8.). Rasmus var skomakar. — I 1904 kjøpte han ein utmarkspart på Skjærpe. I 1937 kjøpte Gabriel Tollakson Ueland denne parten. Dei hadde 7 barn:

1. Bertine Lervik, f. 11-8 1898, gift 18-10 1930 med Rasmus Vigre (Vigre 62.).
2. Solveig Lervik, fødd 26-7 1900, død 7-2 1914.
3. Jenny Lervik, fødd 22-4 1902, død 20-11 1922.
4. Paul Lervik, f. 10-8 1903, gift 1949 med Johanna Tjøtta, f. 10-2 1913. Bur på Tjøtta i Klepp.
5. Teresia Lervik, f. 22-1 1906, gift 1) med Trygve Mæland, — gift 2) med Alf Andersen.

6. Ragnhild Lervik, f. 4-6 1908, gift med Inge Søyland, Topdal i Ogna.
7. Trygve Lervik, f. 14-10 1910.

48. **Ingvald P. Vigre** (Vigre 54. 1.), var f. 26-7 1878, d. 27-2 1957, gift 24-3 1906 med Karen Elisabet Refsland, fødd i Ogna 8-8 1881 (Refsland, Varhaug 14. 5.). Ingvald Vigre kjøpte ein utmarkspart på Skjærpe i 1907. Han var mange år griserøktar hjå T. Skretting på Nærbø. Dei fekk 6 barn:

1. Peder I. Vigre, f. 8-12 1907 (sjå 59.).
2. Palle Vigre, f. 16-2 1913, gift 25-8 1934 med Tora Olsdr. Bø, f. 20-10 1913 (Bø 160. 3.). Forpaktar på Motland.
3. Marta Betsy Vigre, f. 18-4 1916, gift med bygningsm. Hovland i Stavanger.
4. Ingvald I. Vigre, f. 20-5 1918, gift 4-12 1937 med Klara Ueland, f. 15-11 1919 (Ueland, Varhaug 88. 6.).
5. Elfrid Vigre, f. 30-3 1920, gift 1947 med Odd Andersen, Stavanger.
6. Magnhild Othelie Vigre, f. 13-9 1926.

49. **Benjamin Skjærpe**, son til 34., var f. 3-7 1875, død i Stavanger 5-11 1956, gift 18-10 1895 med Johanna Svendsotr. Ånestad (Ånestad, Varhaug 78. 7.), f. 16-3 1871, d. 5-1 1959. Benjamin Skjærpe var baneformann, seinare pakkhusformann ved jernbanen i Stavanger. I 1910 tok han over bnr. 4 av Skjærpe etter mora. I 1918 vart denne parten kjøpt til prestegard for Haa. Dette var det same bruket som i 1855 vart kjøpt med tanke på klokkar og skulegard, som er nemnt 25., og som sidan vart skift i minst 4 bruk (sjå 29., 30., 31., 32. og 33.). I 1920 kjøpte Benjamin Skjærpe ein part i Kvia (sjå der 75.), som han selde til Nils Hatteland i 1929 og flutte til Stavanger. Dei hadde 8 barn.

1. Bertel Skjærpe, f. 24-12 1895, d. 18-12 1909.
2. Sven Skjærpe, f. 6-3 1897, d. 1903.
3. Ingeborg Maria Skjærpe, f. 14-9 1899, d. 1905.
4. Bjarne Skjærpe, f. 27-2 1902, gift med Kirsten. Buset i Stavanger.
5. Grete Skjærpe, f. 2-12 1904, gift 1930 med Jørgen Bø (sjå Kvia 78.).
6. Ingeborg Marie Skjærpe, f. 27-3 1907. Bur i Stavanger.
7. Svein Brynjulf Skjærpe, f. 19-12 1910. Bur i Stavanger.
8. Judith Skjærpe, f. 22-6 1817, gift 1940 med Gustav Rangen (sjå Kvia 80.).

50. **Gabriel Tollakson Ueland** (sjå Ueland, Varhaug 80.). Han kjøpte bnr. 15, Lyngdal, av Rasmus Lervik i 1937.

51. **Rasmus Jonasson Reime** (Ødemotland 18. 1.). Var fødd 19-7 1889, gift 2-10 1915 med Anne Andreasdotter Sør-Reime, f. 31-3 1894 (Sør Reime 41. 4.). Rasmus var bygningsmann, som han framleis driv på med. — I 1920 kjøpte han ein part på Skjærpe, bnr. 24. Dei har 9 barn:

1. Jon R. Reime, f. 7-10 1918, gift med Anna Hobberstad, f. 1920 (sjå Ødemotland 27.).
2. Justi Reime, f. 6-11 1920, gift med Ingolf Ånestad, f. 22-9 1910 (Ånestad, Varhaug 102. 5.). — Handelsmann på Nærbø.
3. Maria Reime, fødd 3-8 1922, gift med Sverre Norli.
4. Anna Reime, f. 13-10 1923, gift 1943 med Olaf R. Moi, fødd i Bjerkreim 8-7 1920. Handelsmann og vulkanisør på Nærbø.
5. Alfred R. Reime, f. 17-1 1927, gift med Lillian Kristiansen. Bur på Skjærpe.
6. Ragna Reime, f. 20-4 1928, gift med Arne T. Nærland (Nærland 55. 5.). Bur på Nærland (69.).
7. Johanna Reime, f. 7-6 1931, gift med Peter P. Dubland, f. 30-4 1922.
8. Aslaug Reime, f. 10-11 1933, gift med Arne Berntson Undheim. Bur på Undheim (Mærlio).
9. Ragnvald R. Reime, f. 25-8 1936, gift 16-9 1960 med Ruth Mæland, f. i Varhaug 20-1 1940.

52. **Trygve Kvia** (Kvia 57. 4.), f. 1-4 1884, d. 30-7 1960, gift i Montana 3-11 1907 med Sofia Rimestad, f. 27-2 1884 (Rimestad 58. 6.). Etter nokre år i Montana kjøpte Trygve Kvia ein liten part av Skjærpe, Vestheim, bnr. 21, i 1910, der han dreiv slaktar-forretning. Dei har 8 barn:

1. Tørres Kvia, f. i Montana 10-9 1908. Slaktar på Nærbø.
2. Margreta Kvia, f. 9-11 1909, gift med Olaf Ellingson Hodne, f. 3-2 1906. Bur på Hodne i Klepp.
3. Ingrid Kvia, f. 10-7 1911, gift med Lars Asbjørnson Skretting, fødd 22-4 1910 (Skretting 133. 3.).
4. Tora Kvia, f. 23-10 1914, gift med Alf E. Nærland (Nærland 52. 7.) (65.).
5. Sigrid Kvia, f. 2-7 1916, gift 1936 med Olav R. Obrestad (Obrestad 40. 4.).
6. Tønnes Kvia, f. 28-7 1918, gift 7-7 1951 med Tony Rekkebo, Trondheim.
7. Trygve Kvia, f. 21-9 1920, gift 1947 med Kjellfrid Møller, f. 8-4 1926. Slaktar på Nærbø.
8. Tarald Kvia, fødd 13-9 1921, gift 4-3 1944 med Eva Irene Reiersen, frå Stavanger.

53. **Ragnvald Skjærpe**, son til 44., f. 4-7 1905, gift 19-7 1930 med Malena Gausland, f. 24-2 1907 (Torland 83. 1.). Entreprenør. Bur på Skjærpe, Dalheim. Barn:

1. Asbjørn Skjærpe, f. 1-8 1931, gift 9-6 1956 med Jorunn Friestad, f. i Ogna 22-11 1936.
2. Marit Skjærpe, f. 10-1 1933, gift 1-12 1956 med Henrik Henriksen, Nærbø, f. 31-12 1933.
3. Svein Skjærpe, f. 19-5 1935, gift 1964 med Målfrid Nærland (Næsh. 119. 1.).
4. Arne Skjærpe, f. 19-1 1937, gift 1961 med Helga Loning.

54. **Odd Skjærpe**, bror til 53., f. 24-6 1909, gift 1936 med Berta Rasmusdotter Salte, fødd i Klepp 29-3 1914. Entreprenør og bonde på Skjærpe. Barn:

1. Maria Skjærpe, f. 4-6 1937, gift 16-8 1958 med Reidar Opstad, f. 6-10 1934.
2. Joron Skjærpe, f. 24-8 1938, gift med Tomas Petter Randulf.
3. Asbjørn Skjærpe, f. 23-6 1943, d. 29-7 1968.
4. Borgny Skjærpe, f. 21-2 1946, gift med Ingvar Gausland (Bø 197. 1.).
5. Ragnhild Skjærpe, f. 23-9 1949.

55. **Torleif Larsen**, son til 43., f. 9-12 1908, gift 1941 med Aslaug Stokkeland, f. i Ogna 29-3 1917. Han tok over bnr. 8 på Skjærpe etter faren i 1937. Barn:

1. Leiv Larsen, f. 30-9 1941.
2. Brynhild Larsen, f. 11-7 1943, gift 1966 med Bjørn Tjøtta, Klepp.
3. Jørn Larsen, f. 5-5 1948.

56. **Tor-Odd Gudmestad** (Næsheim 114. 13.), f. 18-1 1914, gift med Anna Karlsdtr.

Holm, f. i Bjerkreim 21-3 1912. — Han kjøpte bnr. 2 av Ole Tobias Pederson. — Barn:

1. Torfinn Gudmestad, f. 9-3 1936, gift 1957 med Edith Søyland.
2. Oddbjørg Gudmestad, fødd 18-11 1940, gift 1960 med Ove Særheim, fødd i Klepp 4-1 1940.
3. Svanlaug Gudmestad, f. 20-7 1942, gift med Magne Gudmestad.
4. Aud Gudmestad, f. 24-7 1944.
5. Kjell Gudmestad, f. 3-8 1949.

57. **Ole Elias A. Skjærpe**, son til 33., fødd 12-1 1909. Tok over bnr. 5 i 1923 etter faren. Han er ugift.

58. **Nils Gudmestad**, son til 46., fødd 18-9 1918, gift 1945 med Sollaug Sigmundsen, fødd (i Makkaur?) 28-9 1925. Han tok over bnr. 16, Nygard, etter faren i 1947. Barn:

1. Eva Gudmestad, f. 29-3 1946.
2. Gunvald Gudmestad, f. 18-1 1949.
3. Aud Synøve Gudmestad, f. 10-1 1953.

59. **Peder I. Vigre**, son til 48., fødd 8-12 1907, gift 1937 med Karen Høsang, fødd i Bokn 31-10 1910. Han tok over bnr. 18, Solvang, etter faren i 1949. Barn:

1. Inge Kjell Vigre, f. 23-8 1939, gift med Liv Braut. Dei har gard på Høyland i Time.
2. Leiv Reidar Vigre, f. 22-2 1950.

60. **Jon J. Obrestad** (sjå Obrestad 36. 7.), fødd 29-2 1884, død 22-3 1969. Han har vore bygningsmann. — Kjøpte bnr. 17, Haugen, av Peder Risa i 1930. Han er ugift.

G.nr. 22. Nærbø

Nærbø-namnet er laga ved samanslåing av dei gamle soknenamna Njærheim (Nærem) og Bø til ei sokn i 1834 eller der ikring. Då Jernbanen var bygd ferdig kring 1880 — vart "stasjonen" lagd på Skjærpe-grunn, og den nybygnad som hadde vakse fram kring "stasjonen" på Skjærpe og Bø-grunn er i matrikkelen av 1885 førd under Gnr. 22 Nærbø. Det var frå først av berre nokre få hus med eit heller lite grunn-areal som kom med under dette gnr. Dette arealet strekte seg frå T. Gudmestad sin eigedom i vest (nå Nærbø Handelslag) og til Bedehuset i aust. Alt som seinare er bygt utanom dette omkvervet, står framleis under gardane Skjærpe, Bø, Bjorhaug og Motland, men det er likevel for det meste ført under Nærbø, der det retteleg høyrer til. Som alle veit, har stasjonen sidan skore store omkverve av dei nemnde gardane, især i dei siste ti-åra. Mykje av dette, t. d. byggegrunnane på klokkargarden på Motland og Skjærpemarka heilt til Næsheim, og Bjorhaugmarka med Kruso, og Holane av Bø med meir, er ikkje teke med i dette registeret. Det er store omkverve av dyrka jord som her er teke ut or matproduksjonen, og det er fåre for at meir vil gå same vegen i den nære framtid.


NAMNEREGISTER :

1. Enevald Anda
2. K. N. Halvorsen
- 2B. Rasmus Tobias Rugland
- 2C. Johan Jonson Vig
3. Kaspar Krag
4. Hans Rasmusson Bø
5. Torger Hobberstad
6. Rasmus Asbjørnsen
7. Omund Andreas Skår
8. Andreas Aadnesen
9. Tobias T. Gudmestad
10. Tobias Nilsen
11. Jakom Jakobsen
12. Gabriel Hansen
13. Brødrene Berner
14. Ole Hanson Orre
15. Ole Rosseland
16. Lars Larsen, bakar
17. Martin L. Haugland
18. Rasmus L. Opstad
19. Ane J. Bø
20. Martin Johan Vestly
21. Halvard Mossige
22. Hans Hansson Håland
23. Jon T. Sør-Reime
24. Lars G. Haugland
25. Jonas Brekken
26. Gunnerius Njølstad
27. Gabriel P. Sirevåg
28. Rasmus M. Opstad
29. Theodor Anda
30. Olai Olsen
31. Inger Serina Ueland
32. Nærbø Meieri
33. Olaus Krag
34. Sven O. Håland
35. Grete Guria Motland
36. Ola O. Grødem
37. Carl G. Eriksen
38. Ole Olson Risa
39. Erik I. Ueland
40. Peder O. Gudmestad
41. Margreta Opstad
42. Hans Obrestad
43. Peter H. Vestly
44. Ingebret I. Gausland
45. Enok Bø
46. Rasmus R. Opstad
47. Laurentsius Larsen
48. Haldor Jakobsen
49. F. A. Underhaug
50. Kristian M. Lode
51. Helge H. Bø
52. Ingebret J. Helland

- | | |
|-------------------------------------|-------------------------------------|
| 53. Lars A. Aadnesen | 106. Sem Larsen |
| 54. Torkel T. Høyland | 107. Tønnes S. Lode |
| 55. Jonas R. Skjærpe | 108. Gaute Obrestad |
| 56. Håvard Udem | 109. Ragnvald Reime |
| 57. Olaus K. Bø | 110. Sverre Lillegraven |
| 58. Gabriel S. Håland | 111. Tarald Kvia |
| 59. Lars Anda | 112. Trygve Kvia jr. |
| 60. Tobias Grødeland | 113. Erik J. Øgård |
| 61. Carl Anton Olsen, lækjar | 114. Einar T. Reime |
| 62. Ola R. Bø | 115. Sigurd Romslo |
| 63. Oskar O. Høyland | 116. Albert Haga |
| 64. Bernhard Lode | 117. Harald Gudmestad |
| 65. Emelankton, Aadnesen | 118. Elling Sør-Reime |
| 66. Gabriel L. Anestad | 119. Peder O. Håland |
| 67. Elias S. Lode | 120. Karl Høgberg |
| 68. Johan Rasmusen | 121. Martin Torvund |
| 68B. Johan Georg Høyland | 122. Aksel Underhaug |
| 68C. Karl P. Torland | 122.B. Alf Høgberg |
| 69. Selmer Undheim | 123. Jens Mellestrand |
| 70. Edvard Undheim | 124. Jon R. Opstad |
| 70B. Jon Jakobson Vigre | 125. Ragnar Fitje |
| 70C. Karen Elisabet Torland | 126. Torvald Gudmestad |
| 70D. Bertinius M. Lode | 127. Harald Svensen |
| 70E. Jorina Skrettingland | 128. Ivar G. Lode |
| 70F. Jonas J. Høyland | 129. Ragnvald Sør-Reime |
| 71. Bernhard Tjéssem | 130. Arne og Magda Vigre |
| 72. Maria Anestad | 131. Hans E. Haugland |
| 73. Trygve Tørresson Kvia | 132. Jon Larsen |
| 74. Lars Larsen, smed | 133. Gabriel Lende |
| 75. Laurits Ueland | 134. I. G. Hansen |
| 76. Jon J. Reime | 135. Helga Edland |
| 77. Reime & Co., Tobias H. Obrestad | 136. Gabriel M. Ueland |
| 78. Randolph Aadnesen | 137. Peder T. Kvia |
| 79. Andreas Aadnesen jr. | 138. Eskild Lode |
| 80. Leif Teig, lækjar | 139. Georg Risa |
| 81. Håkon Mossige | 140. Oddmund R. Obrestad |
| 82. Henrik Hadland | 141. Vilhelm Risa |
| 83. Berta Serina Grødem | 142. Ingebret Ueland |
| 83B. Halvor Mossige jr. | 143. Magnus Opstad |
| 84. Einar E. Hognestad, veterinær | 144. Mikkel Opstad |
| 85. Berta-Henrikke Mossige | 145. Olav R. Moi |
| 86. Erik E. Årslund | 146. Inge Stokkeland |
| 87. Knut Arrestad | 147. Anton Torland |
| 88. Tobias R. Anestad | 148. Kåre T. Torland |
| 89. Jon Henriksen | 149. Ole Fossen |
| 90. Tønnes O. Garborg | 150. Elisabet Ueland |
| 91. Bernhard Gudmestad | 151. Trygve Skåland |
| 92. Arne I. Søyland | 152. Adolf Tunem |
| 93. Trygve E. Håland | 153. Kristina og Regina Bø |
| 94. Olaf Eikeland | 154. Torger Østrem |
| 95. Arne Hognestad | 155. Klaus Ødegård |
| 96. Håkon Serigstad | 156. Margreta Skretting |
| 97. Gerhard Njølstad | 157. Karl Johan Bø |
| 98. Johan L. Haugland | 158. Reidar Salte |
| 99. Alf P. Sør-Reime | 159. Trygve Djøseland |
| 100. Odd Emil Dybing | 160. Martin Enoksen og Oskar Laland |
| 101. Guttorm Arthun | 161. Ingolv Øksnevad |
| 102. Ragnvald R. Salte | 162. Endre Viste |
| 103. Elias Birkeland | 163. T. H. Obrestad |
| 104. Hans J. Bjorland | 164. Olav Hognestad |
| 105. Sina Kvia | 165. Kristian E. Risa |

166. Ingolv Aanestad
167. Rasmus Bjorheim
168. Ingolf Lode
169. Jon J. Obrestad
170. Tilla og Karen Haugland og Magnhild Bjorland
171. Trygve S. Høyland
172. Gerd Haugland
173. Guttorm Gudmestad
174. Tønnes Salte
175. Karen Elisa Johannesen
176. Maria og Gustava Møller og Margit Sagevik
177. Sverre og Arne Søyland
178. Alf Roxman
179. Ole Grødeland
180. Magnus Fuglestad
181. Trygve T. Kvia
182. Tor Høyland
183. Helge H. Bø jr.
184. Bjarne Langeland
185. Ommund Braut
186. Arne Sægrov
187. Odd Torland
188. Kastrup Reime
189. Leif Hansen
190. Harald Gimre
191. Torbjørn Undheim
192. Ottar Salte
193. Eivind E. Nærland
194. Harald Kvia
195. Kastrup Hofland
196. Olav Larsen
197. Ivar M. Lode
198. Norvald Reime
199. Malena Aanestad
200. Toralv Are
201. Gabriel Underhaug
202. Henrik Underhaug
203. Reidar Aanestad

I Matrikkelen trykt 1890 er Nærbo Stasjon utskild frå gardane Skjærpe og Bø, og har fått Gnr. 22. Her skal me først ta med dei som er førde i den Matrikkelen:



Nærbo stasjon.

1. Enevald Anda, son til Tønnes Nilsson Anda i Klepp og kona Maria Ingebretsdtr., f. Gruda. Han var f. i Klepp 12-12 1853, død i Stavanger 15-10 1933. Gift 20-2 1879 med Sille Maria Jonsdotter Vig, fødd i Klepp 20-9 1861 død i Stavanger 1928, — dotter til Jon Sivertson Vig og Maria Monsdtr., fødd Vig. Enevald Anda sette seg ned som handelsmann på Nærbo i 1879. Han åtte både det huset som Paul Aadnesen nå eig eller som Randolph Aadnesen åtte, før han bygde det som Paul Aadnesen nå eig, og det huset som H. Mossige sidan åtte og som ennå står. (Han åtte og grunnen der G. Njølstad sitt hus står.) Attåt handelen dreiv E. Anda hotel ei tid. I 1898 flutte han til Stavanger, der han var med og skipa A/S Jadar som dreiv skipsopphogging. Dei hadde 5 barn, alle fødde på Nærbo:

1. Margit Anda, f. 22-5 1882, er busett i Stavanger, ugift.
2. Jon Anda, f. 6-4 1884, død i Stavanger 13-7 1960, gift med Mathilde Hetland.
3. Trygve Anda, f. 8-7 1886, død i Stavanger 1952, gift med Ingrid Gimre. Han og broren Jon skipa agenturforretninga "Brødrene Anda" i Stavanger.
4. Maria Anda, f. 12-5 1889, gift 1913 med Robert Johnsen, f. 1884. Agent i Stavanger.
5. Sigrid Anda, f. 5-1 1891, gift med Aksel Knutsen, bygningstekniker i Oslo.

2. K. N. Halvorsen, åtte bnr. 3. Kven han var, veit eg ikkje, men han var visst fargar (seinare E. Anda, Nærbo Meieri og F. A. Underhaug).

2B. Rasmus Tobias Rasmusson Rugland (sjå Rugland, Varh. 32. 1.), fødd i Varhaug 2-7 1855, død i Stavanger 21-3 1929. Gift 27-11 1877 med Anna Taletta Tønnesdotter Lode, f. 18-6 1855, død 1931 (sjå Gudmestad 33. 6.). Rasmus Rugland var den første smeden på Nærbo Stasjon. — Han flutte til Stavanger (Buøy), der han skipa "Stavanger Skipsopphugnings kompani" saman med broren, R. R. Rugland (sjå Lode 75.). Huset til R. T. Rugland på Nærbo var matrikulert under Skjærpe, bnr. 13 i 1906. Då Rugland flutte til Stavanger, kjøpte Sven O. Håland det. I 1902 brann det saman med A. Adnesen og G. Njølstad sine hus, som alle vart oppattbygde på dei same grunnane. R. T. Rugland hadde 2 barn fødde på Nærbo:

1. Rasmus T. Rugland, f. 26-6 1879, død i Stavanger 21-3 1950, gift med Sina Nilsdtr. Haugland, f. i Time 18-8 1878. Var medeigar i Stavanger Skipsopphugning.

2. Anna Theresia Rugland, f. 19-1 1899, gift i Stavanger.

2C. **Johan Jonson Vig**, var fødd i Klepp 4-11 1855, død på Nærbø 6-7 1892, son til Jan Olson Vig og Elen Maria Rasmusdtr., f. Anda, som var faster til R. T. Rugland. Han var gift 6-10 1880 med Gedine Marie Gabrielsdotter Hodne, fødd i Klepp 20-6 1851, dotter til Gabriel Ellingson Hodne og kona Ragnhild Petersdtr. Johan Vig var skomakar. — Han hadde hus på Skjærpe-grunn tett vestanfor T. T. Gudmestad sit hus. Dette huset vart seinare reve. — 5 barn var fødd på Nærbø.

1. Elen Maria Vig, f. 14-5 1881.
2. Jon Vig, f. 16-4 1883.
3. Gabriel Vig, f. 16-12 1885.
4. Regina Vig, f. 30-1 1888, d. 28-8 1896.
5. Johan Vig, f. 12-12 1889.

3. **Kaspar Krag**, bnr. 4 (sjå Opstad 95. og Bjorland 30.). — Dette huset var kalla "Skjolla-huset" og brann kring 1930. Det stod pålag millom bakhuset til "Handelslaget" og "Heradhuset".

4. **Hans Rasmusson Bø**, bnr. 5 (sjå Næsheim 89.) var handelsmann og snikker. Budde ei tid i Stavanger, der han dreiv småhandel og matsalg. — Han døde på Nærbø i 1901.

5. Torger Erikson Hobberstad, bnr. 6 (sjå Hobberstad, Varh. 42. 3.), fødd 14-7 1858, død på Nærbø 21-10 1887. Gift 17-10 1883 med Serina Omundsdotter Norheim, f. i Time 5-6 1860, — vart seinare gift med enkjemann, lensmann Nikolai Lima i Høyland. Johan Vestly åtte seinare denne plassen, og etter han "Nærbø Meieri". — Torger Hobberstad var handelsmann. — Han hadde 3 barn:

1. Maria Hobberstad, — gift med Trond Flatabø, som var driftsstyrar ved Jæren E-verk.
2. Erik Hobberstad, f. på Nærbø 3-4 1886, død som barn.
3. Teresia Hobberstad, f. 27-3 1888, gift med Arne Ådneson Håland i Høyland.

6. **Rasmus Asbjørnson (Skjærpe)**, bnr. 8 (sjå Skjærpe 35.). Jon Sør-Reime budde seinare der.

7. **Omund Andreas Skår**. Han var målar (sjå Bø 139.). Han selde til G. Njølstad.

8. **Andreas Aadnesen**, bnr. 11, var fargar, seinare handelsmann. Fødd i Stavanger 1863, død 28-12 1938, son til bygnings-

og handelsmann Lars Ådnesen, f. Åsland, og kona Rakel Svendsdtr., f. Gramstad. — Gift 1) med Emma Maria Danielsen, f. i (Stavanger) 1857, død 1-7 1888, gift 2) med Serina Toresdotter, f. Stangeland i Høyland 1-1 1860, død 11-5 1954, dotter til Tore Dideriksen Stangeland og kona Sille Maria Hansdtr., f. Auglænd i Eigersund. A. Aadnesen kom til Nærbø i 1885. 2 barn i første og 7 i andre gifte:

1. Lars Aadnesen, f. 26-8 1885, gift med Anna Fotland frå Eigersund. Busett på Nærbø.
2. Agathe Aadnesen, f. 5-10 1887, d. 9-7 1888.
3. Emelakton Anskar Aadnesen, fødd 2-9 1889 (sjå 65.).
4. Magna Aadnesen, f. 5-5 1892, gift 1) 11-5 1913 med Alfred Regin Askø, f. i Rennesøy 1894, død, gift 2) med Elling Håland, f. 17-9 1889, død (sjå Store Håland 32. 2.).
5. Randolph Aadnesen, f. 26-2 1894 (78.).
6. Tora Aadnesen, f. 3-8 1897, gift med Jørgen Benterud som då var styrar ved Nærbø Meieri.
7. Andreas Aadnesen, f. 6-3 1900 (79.).
8. Serine Aadnesen, f. 25-6 1902, d. ugift.
9. Agathe Aadnesen, f. 5-3 1905, gift 1934 med Sven S. Norheim, f. i Time 1-5 1907, d. 1956. Handelsmann på Bryne.

9. **Tobias T. Gudmestad**, bnr. 12 (sjå Gudmestad 36. 6.). Han var handelsmann. Truleg hadde ein Anfinnsen dreve handel på den staden før Gudmestad. — I 1905 selde han huset til Nærbø Forbruksforening og flutte til Næsheim (sjå der 114.).

10. **Tobias Nilsson**, bnr. 14 (sjå Bø 106.). (Bø-grunn.)

11. **Jakob Jakobsen**, bnr. 15. — Denne mannen kjenner eg ikkje meir til. Rasmus Mikkelsen Opstad budde der seinare (sjå Bø 141.).

12. **Gabriel Hansson**, bnr. 16, er ukjend. T. Anda budde der seinare.

13. **Brødrene Berner** (sjå Næsheim 103.). Statsbanane tok over denne parten.

14. **Ola Hansson Orre**, bnr. 18 og 20 (sjå Bø 113.). Olai Olsen åtte seinare bnr. 18, og Rasmus Mikkelsen Opstad bnr. 20, bnr. 21 Bakkane, åtte og Ola Hansson, seinare Rasmus Erikson Ueland (Ueland, Varhaug 61. 6.).

15. **Ole Rosseland**, bnr. 22, av Bjorhaug grunn (sjå Bjorhaug 22.).

I manntallet for 1900 er desse komne til på Nærbø Stasjon:

16. **Lars Larsen**, bakar, står under Skjærpe bnr. 9 (sjå Skjærpe 43.).

17. **Rasmus Larsson Opstad**, bnr. 4 (sjå Opstad 81.). Han hadde bytt med Kaspar Krag (3.) som flutte til Opstad. Rasmus Larsson var ei tid penslar, seinare maskinist ved Nærbø Meieri. Sidan var han slaktar. Han flutte seinare over til Motlands grunn, bnr. 9.

18. **Martin Larsson Haugland**, bnr. 4. Han var smed, fødd i Varhaug 10-6 1873, død 5-8 1948. Gift 16-9 1896 med Maria Halvardsdtr. Tunheim, fødd i Time 28-8 1869 (sjå Haugland i Varhaug 30. 2.). — Dei hadde 3 barn:

1. Tilla Haugland, f. 7-1 1898. Busett på Nærbø. Har vore ved Rikstelefonen i Nærbø mange år.
2. Karen Haugland, f. 2-12 1902. Busett på Nærbø. Har vore ved Telefonen på Nærbø og i Sauda, seinare i Stavanger.
3. Magnhild Maria Haugland, f. 26-5 1902, gift 12-8 1928 med Gabriel Bjorland (sjå der 29. 3.). Ho har vore ved telefonen på Nærbø.

19. **Ane Jonsdotter Bø**, åtte bnr. 5 (sjå Bø 127.). — Ho selde visst seinare til Petter Vestly og kjøpte ein part av Bø, bnr. 44.

20. **Martin Johan Vestly**, bnr. 6 og 9. Han var handelsmann, fødd i Time 27-3 1862. Gift med Anna Maria Tønnesdtr. Anda, fødd i Klepp 7-6 1863, dotter til Tønnes Nilsson Anda og kona Maria Ingebretsdtr., f. Gruda. Martin Johan Vestly tok over huset etter Torger Hobberstad i 1890. Han var underoffiser, og i 1904 selde han til Haldor Jakobsen og flutte til Kristiansand. Dei hadde 3 barn:

1. Maria Vestly, f. Klepp 1888.
2. Ingebjørg Vestly, f. i Nærbø 1890.
3. Toralv Vestly, f. 29-4 1892.

21. **Halvard Mossige**, skomakar, bnr. 7, som han kjøpte av Enevald Anda i 1898. Han var fødd i Time 3-6 1869, son til Halvard Larsson Mossige og kona Olina Olsdtr., f. Garborg. Gift 1-10 1897 med Anna Maria Olsdotter Grøtheim, f. 3-3 1873, d. 1914 (sjå Grøtheim 20. 2.). Barn:

1. Håkon Mossige, f. 20-12 1897 (81.).
2. Berta Serina Mossige, f. 28-2 1899, d. 12-4 1913.
3. Ola Mossige, f. 16-5 1901. — Busett i Amerika.

4. Olina Mossige, f. 27-3 1903.

5. Halvor Mossige, f. 18-9 1905 (82.).

6. Martin Mossige, f. 5-9 1908, d. 20-10 1928.

7. Harald Mossige, f. 15-12 1911, d. 6-6 1912.

8. Berta Henrikke Mossige, f. 23-9 1913.

22. **Hans Hansson Håland**, bygningsm., f. i Varhaug 4-12 1872 (sjå Håland, Varh. 68. 8.). Gift 17-3 1899 med Gurina Mikeldsdr. Håland, f. 2-5 1876 (Håland, Varhaug 77. 6.). Budde på Bø-grunn, bnr. 42. Ei dotter:

1. Inger Håland, f. 26-4 1900, d. 5-2 1969. Pensjonat og handel på Nærbø.

23. **Jon Tønnesson Sør-Reime** (sjå Sør-Reime 27. 3.). Fødd 26-3 1853, død 23-4 1931. Gift 29-11 1883 med Kirsten Malena Mikalsdtr. Motland, f. 29-1 1863, d. 11-9 1939 (sjå Motland 23. 3.). Jon Sør-Reime var garvar og handelsmann, bnr. 8. Dei var barnlause, og huset gjekk over til Isak Motland og seinare til Hans Omundson Sør-Reime.

24. **Lars Gjermundson Haugland** (sjå Vigrestad 41. 8.), fødd 14-5 1873, gift 1) 18-11 1898 med Seline Skjærpe, f. 2-3 1879, d. 1930, gift 2) med Emma Hofland, f. 22-6 1882. Lars Haugland var snikker ved Statsbanane. Kring 1900 kjøpte han grunn av Martin Dalane, bnr. 59 av Bø. Barn:

1. Jon Haugland, f. i Varhaug 14-9 1899. Stud. teol. Død 1936.
2. Syneve Haugland, fødd i Nærbø 14-12 1900, død 5-2 1901.
3. Alfred Haugland, f. 7-12 1901, d. 12-10 1968 gift med Inger Fikstvedt. Bakar.
4. Syneva Haugland, f. 27-11 1903, d. 14-3 1904.
5. Leif Sigbjørn Haugland, f. 3-7 1905, gift med Virginia. I USA.
6. Sigurd Haugland, f. 11-2 1907 (sjå Bø 196.).
7. Erling Georg Haugland, f. 17-10 1912, gift med Ragnhild Rørvik frå Skjold.
8. Sigrid Haugland, f. 15-7 1915.
9. Inge Samuel, f. 15-3 1920, gift med Sigrid frå Rakkestad.

25. **Jonas Brekken**, bnr. 9, 13 og 25. Han var snekker og trelasthandlar (sjå Varh. 90. 6.), fødd 10-5 1855, død 22-7 1943, gift 4-11 1886 med Ingeborg Nilsdtr. Bø, f. 1-10 1855 (sjå Bø 101. 2.). Barn:

1. Jens Brekken, f. 12-10 1887, d. 19-1 1910, ugift. — Han omkom då Nærbø Meieri brann.

2. Nils Brekken, f. 21-5 1891, d. 1959, gift med Sigrid Caroline Farup, f. i Skedsmo 25-6 1894.
3. Anna Brekken, f. 18-4 1889, d. 7-5 1893.
4. Jonas Brekken, f. 11-3 1893, d. 6-8 1930, ugift.
5. Ola Brekken, f. 17-5 1895, d. 16-3 1911.
6. Magnus Brekken, f. 29-5 1897, d. 11-5 1922, ugift.

26. Gunnerius Gunnarson Njølstad (sjå Njølstad 15. 6.), f. 30-6 1873, d. 25-5 1914. Gift 17-2 1895 med Gustine Halvardsdr. Løge, f. i Time 11-10 1871, d. 13-2 1947. Han var målar. Kjøpte bnr. 10 av Omund Andreas Skår. Barn:

1. Gerhard Njølstad, f. 16-7 1896, d. 2-4 1903.
2. Halvor Njølstad, f. 31-3 1899, død.
3. Gunerius Njølstad, f. 18-11 1901. Bur på Nærbø. Målar.
4. Ingeborg Kirstine Njølstad, fødd 15-8 1904. Bur på Nærbø.
5. Guri Njølstad, f. 6-11 1910, gift 10-9 1933 med Peder Olson Håland. Sjøfør på Nærbø.
7. Gerhard Marselius Njølstad, fødd 25-6 1913, gift 1938 med Tora Olsdr. Voll, f. i Varhaug 6-9 1913 (97.).

27. Gabriel Pederson Sirevåg, skomakar, fødd på Haver i Ogna 16-10 1865, gift i Varhaug 25-9 1889 med Alette Abrahamsdotter Herikstad, f. 10-12 1864 (Herikstad, Varh. 54. 6.). G. P. Sirevåg bygde huset bnr. 13, kjøpt av Rasmus Mikkelsen Opstad. Han budde ikkje lenge på Nærbø, og Ingebret I. Gausland kjøpte huset. Av barna er nemnde 4:

1. Edvarda Sirevåg, f. i Ogna 1890, d. på Nærbø 3-1 1901.
2. Abraham Sirevåg, f. i Ogna 1891.
3. Anna Sirevåg, f. i Stavanger 1893.
4. Garman Sirevåg, f. på Nærbø 20-10 1899.

28. Rasmus Mikkelsen Opstad (sjå Opstad 55. 6.). Han kjøpte bnr. 13, 15, 18, 19 og 20, som han står som eigar av i 1900. Der var mykje jord som høyrde til desse partane, og Rasmus dreiv eit slags gardsbruk. Ellers dreiv han med snikker- og smedearbeid, og kona, ho Kjersti, dreiv pensjonat. Om barna, sjå Skretting, Varhaug 96.

29. Theodor Anda, bakar, fødd i Klepp 10-11 1850. (Han heitte Bernt Theodor) son til Nils Andreas Torkelson Anda og kona Kirstine Eilefsdr., f. Hauge i Klepp. Theodor Anda var den første på Nærbø

Stasjon som hadde barn til dåpen i Nærbø Kyrkja. Han burde etter det stonde som nr. 1 på denne lista, men sidan han ikkje er nemnd i matrikkelen i 1890, der sonen Oskar Andreas er komen med, så kjem han ikkje med før nå. Han står som eigar av bnr. 16 i 1900, ein part av Dalane som Gabriel Hansson åtte i 1890. Det er meg fortalt, at det huset som T. Anda budde i var bygt på Bø av Erik Olson (Bø 78. 8.), som ei tid dreiv bakaryrkje og selde brød på Bø. Huset vart flutt til Nærbø Stasjon, men om det var T. Anda som kjøpte og flutte det er uvisst. Kanskje var det Gabriel Hansson. T. Anda var ein sermerkt mann. Han hadde ei songrøyst som få og åtte eit humør så lett og friskt, at det var ein hugnad å vera i lag med han. Han var difor mykje nytta som kjøkemeistar i vertskap. Ellers var han både skomakar og bonde. Pakta ei tid ein gard på Skjærpe, og åtte jordstykke fleire stader. — Men han var først og framst bakar, og var helst kalla "Bakaren" mil-lom folket. Han døde 5-1 1940. Før han kom til Nærbø hadde han butt i Hauge-sund, der han gjekk bakarlära. Gift 1) med Martha Marie Ottesen, fødd i Stavanger 1852, død på barnseng på Nærbø 17-5 1882. Gift 2) i Nærbø 25-5 1883 med Elisabet Sofia Larsdotter, f. i Time 21-6 1850, d. 5-2 1899, dotter til Lars Gabrielson Grøtheim i Time frå Braut (sjå Bø 92.). Gift 3) 1-12 1899 med Berta Malena Pedersdotter Torland, f. 2-2 1854, d. 13-3 1923 (sjå Torland 61. 1.). Theodor Anda hadde 3 barn i første gifte og 8 i andre:

1. Agnethe Anda, f. i Haugesund 1878, gift 1-5 1900 med Abraham Sivertson Tjemsland (N. Tjemsland, Varh. 38. 3.).
2. Oskar Andreas Anda, f. i Stavanger 1878?, gift 27-4 1900 med Rakel Sivertsdr. Høien, Varhaug. Oskar døde i Montana 5-1 1916.
3. Maria Anda, f. 12-5 1882, d. same året.
4. Kristine Marie Anda, f. på Nærbø 20-2 1884, gift 7-10 1906 med Peder Pederson Helle i Høgsfjord, f. 1883.
5. Lars Anda, f. 28-8 1885 (sjå 59.).
6. Theodora Anda, f. 24-1 1887, gift med Dagfinn Stangeland frå Forsand.
7. Mathilde Anda, f. 24-1 1887, d. 14-7 1888.
8. Sigurd Anda, f. 9-11 1888, d. 23-4 1931, ugift. Han var mange år i Montana, men døde på Nærbø.
9. Mathilde Anda, f. 29-10 1890, gift 31-5 1913 med Håkon Reime (Reime 61.).
10. Kirsten Anda, f. 4-3 1893, d. 26-5 1898.
11. Olaf Anda, f. 7-7 1897, d. 11-10 1928,

gift 3-5 1924 med Tilla Søyland, f. 31-1 1901, d. 1-10 1924 (Søyl. 45. 5.).

30. Olai Olsen, bnr. 18 Dalane (sjå Bø 134.).

31. Inger Serina Eriksdotter Ueland, bnr. 21 Bakken. Ho og broren Rasmus budde i eit lite hus som far deira hadde bygt (sjå Ueland, Varhaug 61.). Ingen av dei var gifte.

32. Nærbø Meieri, bnr. 24, var kjøpt av Enevald Anda. Her budde i 1900: — 1. Petrine Vinje, meierske, f. i Stordalen 1874. 2. Regine Jonasdtr. Husveg, f. i Varhaug 1879. 3. Giske Larsdtr. Våge, f. i Suldal 1874.

33. Olaus Krag hadde kjøpt bnr. 2 og 25 av Enevald Anda i 1898. Han var handelsmann, fødd i Gjesdal i 1865. Gift med Kirsten Pedersdotter Herikstad, fødd i Time 23-3 1870, dotter til Peder Bårdson Herikstad og kona Hanne Serine Hansdtr., f. Vestly. Olaus Krag var bror til Kaspar Krag (sjå 3.). Han var ikkje lenge på Nærbø, og reiste seinare til Amerika. Desse barna er nemnde:

1. Søren Krag, f. i Time 1893.
2. Peter Krag, f. i Stavanger 1895.
3. Olav Krag, f. i Stavanger 1897.
4. Sigvard Krag, f. på Nærbø 14-3 1899.
5. Hanna Krag f. 4-7 1901.
6. Karen Maria Sofie, f. 17-7 1905.

34. Sven O. Håland, bnr. 7, kjøpt av Rasmus Tobias Rugland. (Om Sven Håland sjå Låge Håland nr. 12.)

35. Grete Guria Ankersdtr. Motland (sjå Sør-Reime 31.). Ho budde i eit lite hus som ikkje har bnr. i 1900 og heller ikkje i matrikkelen for 1906. Det er uvisst kven som hadde bygt det. Jonas Rasmusson Reime hadde butt der i 1889, og truleg har Grete Guria kome der etter han. Ho vart enkje i 1885. Ho døde i 1927, og dottera Justine Motland i Montana tok over huset. Då ho døde kjøpte Inga og Lars Larsen det.

36. Ola Olson Grødem, smed, fødd i Time 11-12 1850, død 17-3 1916, var son til ungkar Ole Svalesen Versland i (Bjerkeheim?) og gjenta Kristine Olsdotter Grøtheim i Time. Han vart gift 26-10 1888 med Maria Hansdtr. Bø, fødd 11-12 1850 (sjå Bø 95. 5.). Dei var barnlause. — Ola Smed budde først i eit lite hus på Bø grunn, seinare i eit anna, som T. Anda

hadde kjøpt, og som seinare vart selt til Erik Årsland, Bø bnr. 43. Margreta Opstad hadde dette huset i 1900. Det første huset var bnr. 36 av Bø. Elias Nærland kjøpte det av Ola Grødem, og Rakel Djøseland budde der, sidan kjøpte Kristian Eilefson Årsland det og flutte det bort.

37. Carl G. Eriksen, var stasjonsmeister på Nærbø i mange år. Han var fødd i Stavanger i 1849. Gift med Anne Marie, f. (Clausen i Stavanger). Ein son Torvald Eriksen, var bakar eller konditor i Hauge-sund.

Med dette er me ferdige med Nærbø Stasjon, Gnr. 22, i 1900. Dei som nå skal nemnast budde på Bø-grunn, Gnr. 26, i 1900.

38. Ole Olson Risa, slaktar (sjå Risa 75. 2.). Han var fødd 2-8 1865, død 28-10 1903, gift 1) 1891 med Justine Svendsdtr. Undheim, d. 1892, gift 2) 25-11 1893 med Anna Justina Johannesdotter Horpestad, f. i Klepp 25-12 1869, dotter til Johannes Nils-Andreasson Horpestad og kona Anna Kristine Kristofersdtr., f. Gruda. Ola Risa var slaktar. Plassen hans hadde bnr. 29. Dei hadde 3 barn:

1. Rakel Justine Risa, f. 21-11 1894, gift med Ole Jonsen Egeland i Time.
2. Ole Andreas, f. 9-4 1896.
3. Johannes Risa, f. 23-6 1902.

39. Erik Ivarson Ueland (sjå Ueland, Varhaug 63. 4.). Fødd 22-9 1854, død på Håland 20-9 1938. Gift i Time 23-11 1885 med Anna Maria Tolleivsdotter Helland, fødd i Time 18-7 1857. Erik Ueland var bygningsmann og snekker. Han hadde først gard på Taksdal i Time, men då kona var død flutte han til Nærbø, der han hadde hus bnr. 31 av Bø. Ei dotter:

Ingeborg Ueland, f. på Taksdal i Time 6-9 1886, gift 14-11 1913 med Tønnes J. Reime (sjå St. Håland 37.).

40. Peder Olson Gudmestad, sadelmakar (sjå Gudmestad 43.). Peder Gudmestad kjøpte hus bnr. 32 Bø truleg av Ola Orre. Då han var død kjøpte F. A. Underhaug huset, som selde att til Lars Anda.

41. Margreta Ellingsdtr. Opstad (Opstad 76.). Då ho var enkje flutte ho til Nærbø Stasjon, bnr. 35 Bø, som Ola O. Grødem seinare kjøpte.

Nå skal me fram til matrikkelen for 1906 og seinare:

42. **Hans Obrestad** (Obrestad 34. 10.). — Fødd 13-6 1873. Gift 2-2 1908 med Elna Odine Hansdotter Rød, fødd i Fusa 1881, død 21-11 1957. Hans Obrestad tok over handelen etter Olaus Krag i 1902. Selde seinare til Johan Rasmusen, og kjøpte det gamle "Brekke-huset" der han dreiv handel ei tid. Seinare gjekk han over til fiskehandel. Sidan kjøpte Jonas Brekken att det gamle huset, som Hans Obrestad hadde bygt opp ei høgd på, og dreiv ein liten jernvarehandel der, og då han fall frå, gjekk huset over til sonen Nils Brekken, som seinare selde til Gaute Obrestad. — Hans Obrestad budde seinare i eit hus på Bø, som Per Njølstad åtte, bnr. 38, og då Ivar G. Lode kjøpte dette huset, bygde Per Njølstad eit nytt ved sida av, bnr. 105, som Hans Obrestad, eller huslyden hans seinare tok over. Hans Obrestad hadde 9 barn:

1. Agnes Elisabet Obrestad, f. 18-10 1909.
2. Kari Obrestad, f. 2-11 1910.
3. Torstein Tobias Obrestad, f. 23-10 1911 (sjå 77.).
4. Helga Olava Obrestad, f. 21-2 1913.
5. Elna Obrestad, f. 16-7 1915.
6. Halfrid Obrestad, f. 12-4 1917, gift 1941 med Frits Karl Otto, f. 13-1 1914. Han var styrmann.
7. Ingrid Obrestad, f. 21-9 1919, gift 1950 med Martin Konrad Bakke, Bergen.
8. Herleif Obrestad, f. 23-3 1922, gift 1958 med Bodil Liv Bø.
9. Einar Obrestad, f. 13-12 1926.

43. **Peter Hansson Vestly**, meieristyrar, var fødd i Time 21-11 1869 (han var døypt Peter Paulus), død 25-3 1915, son til Hans Paulson Vestly og kona Inger Kirstine Ole-Johannesdr., f. Tegle. Gift 5-10 1900 med Gurina Nilsdotter Bø, fødd 25-1 1875, død 16-7 1905 (sjå Bø 101. 12.). — Peter Vestly var ei tid handelsdreng hjå Envald Anda. Seinare vart han styrar av Nærbø Meieri. Han kjøpte bnr. 5 på Nærbø av Ane J. Bø, som Ingebret Helland seinare kjøpte. Dei hadde 3 barn:

1. Ingrid Vestly, f. 16-7 1901, d. 30-12 1920.
2. Malena Vestly, f. 21-1 1903, d. 17-11 1921.
3. Gudrun Petra Vestly, f. 17-11 1904, d. 13-4 1927.

44. **Ingebret I. Gausland**, kjøpte bnr. 13 av G. P. Sirevåg (27.). (Sjå Torland 82.) Han selde seinare til Gabriel L. Ånestad.

45. **Enok Bø** (sjå Bø 129.) åtte bnr. 14 i 1906, som han må ha kjøpt av enkja etter Ole Risa (38.). — Ane Olsdr. Bø kjøpte

seinare dette huset (Bø 122.). Seinare budde jordmor Maren Øglænd der, og i 1946 kjøpte Trygve S. Høyland det.

46. **Rasmus R. Opstad**, son til 28. Fødd på Skretting i Varhaug 23-3 1870, død 28-10 1934, gift i Stavanger 8-1 1898 med Sofia Maria Johannessen, fødd 11-1 1878, død 27-11 1952. R. R. Opstad var gartner av fag. Han tok over hus og jord etter faren, seinare vart han maskinist ved Nærbø Meieri etter syskenbarnet sit Rasmus L. Opstad (17.). Så bygde han opp huset og tok til med kolonialhandel, og var postopnar mange år. — Barn:

1. Rockwall Opstad, f. 20-5 1898, d. 5-3 1967, gift med Torbjørg Hjelle, Busett i Sauda.
2. Kristian Opstad, f. 26-12 1899, d. 16-7 1918, drukna i Sirdalsvatnet då han freista å berga eit barn som fall ut av båten.
3. Kirsten Opstad, f. 13-10 1901, gift 19-9 1926 med Erik Årsland (sjå 86.).
4. Maria Opstad, f. 31-1 1903, d. 31-5 1904.
5. Maria Opstad, f. 1-9 1905, d. 1922.
6. Rasmus Opstad, f. 12-3 1907, d. 24-4 1908.
7. Rasmus Opstad, f. 21-9 1908. — Bur i Sauda.
8. Sverre Opstad, f. 13-5 1911, gift med Alma Larsen, f. i Nærbø 13-7 1910 (sjå Bjorhaug 24. 6.).
9. Jon Opstad, f. 24-2 1913, gift 30-8 1936 med Kari Hobberstad, fødd i Varhaug 28-8 1913 (124.).

47. **Laurensius Larsen**, maskinist (Bjorhaug 24.). Budde på Solbakken av Bjorhaug, bnr. 22 Nærbø.

48. **Haldor Jakobsen**, f. i Sandvik i Sunnhordland 1877, d. i Montana 10-4 1961, son til handelsmann på Sanvik, Bjoa, Erik Jakobson og første kona Kirstine Anfindr., f. Bjørgen. Gift 1) 1902 med Gunhild Johannesdr. Ringøen, f. i Valevåg 1874, d. på Nærbø 30-5 1908. Gift 2) 31-7 1910 med Gunhild Edland, fødd i Nærbø 2-7 1887 (sjå Bø 126. 2.). Haldor Severin Jakobsen kjøpte huset av Johan Vestly i 1904 og tok til med bakeri og kolonialhandel. I 1905 selde han til Nærbø Meieri og kjøpte huset av Jonas Brekken ved sida av det han hadde (Brekken hadde bygt nytt tett ved). Her dreiv han handel til han reiste til Amerika i 1910 eller 1911. (Ola R. Bø dreiv sidan handel der.) H. Jakobsen hadde hatt 3 barn i første gifte og fekk ein son i andre gifte på Nærbø. I Amerika fekk dei sidan 7 barn:

1. Johannes Jakobsen, f. 4-3 1905, gift og busett i USA.
 2. Kirsten Jakobsen, f. 17-12 1906, d. 1-6 1907.
 3. Erik Jakobsen, f. 27-5 1908, død same dagen.
 4. Erik Jakobsen, f. 3-7 1911, død i Texas 1961, gift med Jerry frå Texas. Han var amerikansk offiser.
 5. Harold Jakobsen, f. i Montana 25-9 1919, gift og busett i (Montana?).
 6. Martin Jakobsen, f. 3-10 1921.
 7. Gerd Jakobsen, f. 11-10 1923, gift med John M. Ginther, Montana.
 9. Margaret Jakobsen, f. 15-7 1925, gift med Al Harper. Ho er sanitetssyster.
 10. Kato Jakobsen, f. 15-7 1925.
 11. Gordon Jakobsen, f. 1927.
 12. Helen Jakobsen.
49. F. A. Underhaug, Nils Fredrik Abrahamson Underhaug, var fødd på Valen, Rosendal i Hardanger 27-10 1872, død på Nærbø, son til fyrstikk-fabrikant Abraham Nilsson frå Norekjern i Sillerud sokn Værmland i Sverige og kona Agathe Johannesdtr. Vik på Valen. Han var gift 1899 med Marta Regina Kverneland, f. i Time 26-1 1878, d. 21-6 1968, dotter til O. G. Kverneland og første kona Serina Larsdtr., f. Skjelset. — F. A. Underhaug hadde vore smed på Kvernlands Fabrik. 1 1907 kjøpte han det gamle Nærbø Meieri og tok til med smedearbeid og mekanisk forretning, som gjennom åra har vakse ut til ein av dei største fabrikkverksemdar i sitt slag i landet. Berre jordbruksmaskinar og reidskap lagast der, og eksportera i stor mengd til utlandet så vel som innanlands. Dei har hatt 9 barn:
1. Sigrid Underhaug, f. i Time 16-11 1899. Kontorsjef.
 2. Astrid Underhaug, f. i Time 1900, d. 1-5 1911.
 3. Karen Underhaug, f. i Time 20-12 1903, gift 18-7 1936 m. Guttorm Gudmestad, f. 2-5 1902, d. 18-9 1961 (sjå Gudmestad 48. 8.). Fjøsmeistar på Opstad.
 4. Aksel Underhaug, f. 29-4 1907 (122.).
 5. Gabriel Underhaug, f. 14-11 1910, gift 1941 med Ingeborg Pedersdtr. Ueland, f. i Time 26-9 1914 (sjå 201.).
 6. Agathe Underhaug, f. 11-2 1912, gift med Trygve Bratteteig, f. i Røldal 7-8 1913. Dei er begge lærarar, for tida i Sola.
 7. Nils Underhaug, f. 5-1 1915, gift 1941 med Ingebjørg Margaret Hansen, f. i Time 19-10 1919. Eigar av Trallefabrikken på Bryne.
 8. Adne Underhaug, f. 30-10 1916, gift 1945 med Edith Ruth Little frå Skottland. Busett i Bergen.
9. Henrik Underhaug, f. 13-8 1918, gift 1941 med Karen Søyland, f. i Vikadal 22-8 1922, dotter til Ole Johannes Søyland og Aselina Andreasdtr. (sjå Søyland 48. 1.). Bur på Nærbø. 4 barn:
 1. Fredrik Underhaug, f. 29-10 1941, gift 21-9 1963 med Tori R. Reime, f. 7-2 1946 (sjå Reime 72. 6.).
 2. Ole Terje Underhaug, f. 22-6 1943, gift 4-8 1962 med Signe Kari Kviannes, f. i Ogna 20-8 1943.
 3. Astrid Elisabet Underhaug, f. 6-6 1945, gift 16-2 1963 med Torgeir Bårdson Edland, f. 20-11 1941 (Bø 190. 1.).
 4. Harald Underhaug, f. 3-12 1950.
50. Kristian M. Lode (sjå Lode 59. 3.), fødd 28-8 1874, død i Stavanger. Gift 26-2 1897 med Marta Malena Gudmestad, f. 16-6 1876, død i Stavanger (Gudmestad 36. 11.). Kristian Lode var krampusvein hjå T. Gudmestad, vart seinare telegrafist ved jernbanen på Nærbø og sidan konduktør, og budde dei siste åra i Stavanger. På Nærbø budde dei i leigt husrom hjå M. Haugland. 4 barn var fødde på Nærbø:
1. Martin Lode, f. 3-9 1897. Budde i Stavanger.
 2. Karen Lode, f. 24-10 1899.
 3. Elen Lode, f. 20-6 1902.
 4. Tobias Lode, f. 10-10 1904.
51. Helge H. Bø (Bø 123. 1.), f. 10-5 1884, d. 19-6 1954. Gift 7-10 1905 med Klara Regina Svendsdtr. Tu, f. i Klepp 1-7 1883, d. 18-4 1966, dotter til Sven Rasmusson Tu og første kona Maren Kirstine Olsdtr. frå Sandnes. Helge Bø gjekk same vegen som Kristian Lode. Han tok til som krampusvein hjå Johan Vestly og vart så telegrafist ved jernbanen. — Seinare vart han stasjonsmeistar på Moi og så i Eigersund. Han kjøpte hus på Nærbø, bnr. 41 av Dalane. 7 barn var fødde i Nærbø, dei 2 siste i Helleland:
1. Harald Bø, f. 15-4 1906, gift 1) med Anna Tronvik frå Lund, gift 2) med Helga Solbjørg frå Lund.
 2. Sverre Bø, f. 13-9 1907, gift m. Solveig Lunde, f. i Stavanger 14-9 1907. Han er stasjonsmeistar på Nærbø og har bygt hus på Bø hjå farbroren Ola H. Bø. — 2 barn:
 1. Signe Kari Bø, f. 17-12 1939.
 2. Helge Bø, f. 28-6 1945.
 3. Målfrid Bø, f. 22-3 1910, gift m. Trygve Berget frå Voss.

4. Helge Bø, f. 2-12 1911, gift m. Gunhild J. Hadland, f. i Ogna 10-5 1909. Helge Bø var jernbanefullmektig på Nærbø og hadde eige hus, Bøtun bnr. 33. Han er nå stasj.meistar på Varhaug. Barn: 1. Gerd Helen Bø, f. 26-10 1953.
5. Else Bø, fødd 3-1 1914, gift med Jan Glendrange frå Lund.
6. Klara Bø (Lillemor), f. 10-6 1917, gift med Jon A. Skjærpe, Stavanger.
7. Reidar Bø, fødd 27-11 1919, gift med Ragnhild Bie frå Hemnesberget.
8. Einar Bøe, f. 16-5 1922, d. 1936.
9. Ester, f. 22-2 1924, gift med Torbjørn Sten Rasmussen frå Eigersund.

52. Ingebret J. Helland, fødd i Time 2-8 1870, son til Jonas Andersson Helland og kona Inger Maria Larsdr., f. Fotland. Gift 1907 med Anna Olsdotter, f. i Høle 1886, d. 30-1 1936. Ingebret Helland var mange år og fleire gonger i Montana. Sidan busette han seg på Nærbø. Han kjøpte huset bnr. 5 av Peter Vestly, og tok til med slaktarforretning. Ei dotter: 1. Inger Maria Helland, f. 23-2 1908, gift 1939 med Trygve Andersen, f. i Time 12-11 1910. Dei har no slaktarforretninga. 2 barn: 1. Anna Grete Andersen, f. 11-11 1944. 2. Ingebret Helland Andersen, f. 22-2 1947.

53. Lars A. Aadnesen, son til 8. Fødd 26-8 1885, død 19-11 1969. Gift 1907 med Anna Fotland, fødd i Eigersund 1880, død på Opstad 14-10 1934. — Lars Aadnesen var bakar på Nærbø, men kom seinare inn som fengselstenar på Opstad. Han hadde ikkje eige hus, men budde på Opstad til han gjekk av med pensjon. Han har sidan butt hjå versonen Oddmund Obrestad på Urheia på Nærbø Stasjon. Lars og Anna Aadnesen hadde 5 barn: 1. Emma Aadnesen, f. 3-11 1907, gift 9-11 1930 med Anton Larsson Tengs, f. i Eigersund 21-3 1901 (Motland 46.). 2. Petra Agathe Aadnesen, f. 30-1 1909, gift 1938 med Olav Larsen (Skjærpe 43. 10.). 3. Arne Aadnesen, f. 17-4 1910, gift 1940 med Borgny Nærland, f. 21-6 1917. 4. Serina Aadnesen, f. 23-12 1917, gift 8-1 1949 med Johannes R. Bye. 5. Hjørdis Aadnesen, f. 8-5 1920, gift 19-5 1945 med Oddmund R. Obrestad, f. 15-7 1916 (Obrestad 40. 9.). Han er bygningsmann og bur på Urheia på Nærbø.

54. Torkel T. Høyland (sjå Reime 50. 1.).

Fødd 8-8 1883, død 2-8 1963. Gift 8-8 1908 med Kristina Bø, fødd 9-10 1886 (sjå Bø 123. 2.). Torkel Høyland var med faren på Hamnearbeid nokre år, men laut slutte med det då helsa svikta. Sidan dreiv han fiskehandel på Nærbø. Han hadde hus på Bø-grunn, bnr. 18. — Dei hadde 6 barn:

1. Trygve T. Høyland, f. 18-12 1908, er i Nærbø Handelslag. Busett på Nærbø av Bø-grunn.
2. Harald Høyland, f. 21-5 1911. Busett i Canada.
3. Tora Høyland, f. 2-10 1912, gift med Birger Meling.
4. Bergit Elisabet Høyland, f. 8-10 1917.
4. Tor Høyland, f. 21-3 1922, gift 1948 med Åse Refsnes, f. i Nærbø 16-6 1928. Stasjonsbetjent på Nærbø.
5. Olav Høyland, f. 29-11 1923, gift med Mary Christine Wetterhus, Stavanger.

55. Jonas R. Skjærpe (sjå Skjærpe 35. 2.). Fødd 29-3 1878, død 27-2 1964, gift 1-3 1901 med Sina Vestly, f. i Time 26-2 1880, dotter til Hans Paulson Vestly og kona Inger Kirstine Ole-Johannesdr., f. Tegle. Ho var syster til 43. Jonas Skjærpe var sjømann i ungdomen, seinare var han verksmeistar ved jernbanen. — Budde nokre år på Nærbø i leigt husrom, seinare i eige hus på Vaulen. Jonas Skjærpe var i eldre år mykje religiøst interessert og reiste som talar ved ymse høve. — Dei hadde 5 barn:

1. Elida Skjærpe, f. 27-6 1903.
2. Randulf Skjærpe, f. 1904, d. 26-10 1908.
3. Ingrid Skjærpe, f. 24-7 1909, gift med Hans Tenold.
4. Rolf Haldor Skjærpe, f. 17-6 1916, gift med Borghild Kvalheim. Rektor ved Sandnes Mekaniske Ungdomskule.
5. Synnøve Skjærpe, f. 25-2 1924, gift med Per Tjelta.

56. Håvard Undem, var fødd i Time 26-2 1876, død på Nærbø 17-10 1923, son til Hans Håvardson Undheim og kona Maria Olsdr., f. Undheim. Håvar Undem var tenestedreng ymse stader til han ikring 1900 reiste til Montana, der han var sauegjætar nokre år. I 1906 var han heime og gifta seg med Serina Rasmusdr. Djøseland, fødd i Varhaug 22-7 1882, død på barnseng 8-1 1907 (sjå Bø 87. 10.). Etter ennå nokre år i Montana kom han heim og gifta seg 2) 24-5 1913 med Berte R. Skjærpe, f. 13-3 1880, død på Tunheim i Time 1932 (Skjærpe 35. 3.). Ho vart gift 2) 26-9 1925 med Tønnes T. Kvia (Kvia 57. 3.). — Håvard Undem kjøpte

”Skjollahuset” av Rasmus L. Opstad og dreiv med slakt og kjøthandel. 1 barn i første gifte og 3 i andre:

1. Håvard Severin, f. 26-12 1906, død i Amerika i konfirmasjonsalderen. Han vaks opp hjå moster si, Anna Torkelson, f. Djøseland.
2. Mary Udem, f. 5-5 1914, gift 1940 med Guttorm Pollestad.
3. Ellen Udem, f. 23-11 1915, gift 3-6 1939 med Sigurd S. Lode (Lode 82. 7.).
4. Harald Undheim, f. 26-10 1917, gift med Ranveig B. Tjåland, f. 4-12 1923. Bonde på Tunheim.

57. Olaus K. Bø (Bø 120. 2.), f. 7-8 1880, død på Vaulen 29-6 1964. Gift 20-6 1908 med Elen Maria Søyland, f. 22-9 1878, d. 18-2 1961 (sjå Søyland 41. 3.). Olaus Bø reiste til Montana i lag med Håvard Udem kring 1900. Då han kom heim tok han over farsgarden på Bø, men gav han frå seg att til ein bror, og bygde seg eige hus på Nærbø Stasjon på Bø-grunn, bnr. 29. Han var slipar hjå F. A. Underhaug mange år, men reiste seinare til Vaulen, der han fekk arbeid i jernbanen sin verkstad. Dei hadde 2 barn:

1. Serina Bø, f. 1-4 1909, gift med Jakob Kaada, f. i Fister 7-9 1903. Vaktmann på Vaulen.
2. Maria Bø, f. 31-1 1911, gift med Tollef Veggeberg, f. i Oгна 23-1 1907. Jernbane-arbeidar på Vaulen.

58. Gabriel S. Håland (sjå Låge Håland 16.). Han tok over huset etter foreldra, Sven og Ragnhild Håland (34.). Selde seinare til Reiar og Kirsten Gausland og flutte til Håland.

59. Lars Anda, son til 29., fødd 28-8 1885, gift 6-5 1906 med Gurina Søyland, fødd 21-5 1884 (Søyland 43. 3.). Lars Anda var bakar og handelsmann etter faren. I 1936 gav han frå seg huset og handelen til versonen Olaf Primstad, og kjøpte bnr. 16 Bø av F. A. Underhaug, der han sidan har butt. Lars og Gurina Anda har 2 døtre:

1. Sofia Anda, f. 30-4 1913, gift 31-12 1936 med Olaf J. Primstad, f. i Varhaug 2-3 1912 (sjå Primstad, Varh. 16. 8.).
2. Serina Anda, f. 8-2 1916, gift med Alf Roxman, fødd i Stavanger 23-8 1917. Bakar på Nærbø.

60. Tobias Grødaland (sjå Grødaland 22. 7.), var målar. Han bygde bnr. 29 på Nærbø, der han dreiv målarforretning ei tid. Sidan budde Dr. Olsen der. T. Grøde-

land flutte til Ganddal, der han var handelsmann og postopnar.

61. Carl Anton Olsen, var den første fastbuande lækjar på Nærbø. Han var austlending, men det er ukjendt for meg kvar han var fødd. Han var fødd i 1869. Gift med Jenny Lydersen, fødd 1880, syster til Dr. Lydersen på Bryne. — Dr. Olsen kjøpte bnr. 29 av T. Grødeland. Det var i krigsåra 1914/18 med rasjonering og matkort, — og då ”spanskesjuka” herja hadde Dr. Olsen ein stor påkjenning med sjukevitjingar over halve Jæren. Det tok på helsa hans. — Han flutte frå Nærbø kring 1920, og døde få år etter. 3 barn fødte på Nærbø:

1. Nils Ole Laurits, f. 8-4 1912.
2. Johan Lyder, f. 14-4 1915.
3. Johanna, f. 15-8 1919.

62. Ola R. Bø (sjå Bø 122. 2.), fødd 17-7 1883, død i Stavanger. Gift med Kristine Bertelsdotter Stangeland. O. R. Bø kjøpte eller leigde huset som H. Jakobsen hadde hatt, der han dreiv handel. Handla sidan ei tid på Klepp st. og så i Stavanger. Eit barn fødd på Nærbø:
Aslaug, f. 17-8 1912.

63. Oskar Omundson Høyland (Høyland 152. 3.), fødd på Sandnes 3-10 1891. Gift med Elen Sivertsdotter Sirevåg, fødd i Oгна 11-2 1894. Oskar Høyland bygde bnr. (23?) av Skjærpe, kalla Blåsenborg. Han selde snart huset og flutte til Sirevåg. Den siste eigar av huset er Nærbø Meieri. Eit barn var f. i Nærbø:

1. Målfrid, f. 19-9 1914.
Sidan fekk dei:
2. Klara.
3. Otto Høyland.
4. Sivert Høyland.

64. Bernhard Lode (Lode 73. 4.). Fødd 19-3 1891, død 22-6 1917, gift 1914 med Gurine Olsdotter Ulshagen, f. på Salte 27-1 1890, seinare gift med Bernhard sin bror, Sven T. Lode. Bernhard Lode bygde bnr. 24 av Skjærpe, tett ved sida av bnr. 23. Det har sidan vore ymse eigarar til dette huset, nåverande eigar er Tørres T. Kvia. Bernhard Lode hadde 2 barn:

1. Trygve Lode, f. 16-12 1914, gift 1937 med Bodil Kristina Voll, f. i Varhaug 24-12 1918 (Lode 107.).
2. Bernhard Gunnerius Lode, f. 9-10 1917, gift med Hanne Dueland, Sandnes.

65. Emelankton Aadnesen (8. 3.), fødd 20-9 1889. Gift 1915 m. Helena Aniksdal, fødd i Varhaug 28-3 1891 (Aniksdal 65.

3.). Emelankton Aadnesen gjekk smedelære hjå F. A. Underhaug frå 1907. Seinare praktiserte han som mekanikar i Tyskland. — Sidan sette han igang eiga mekanisk forretning i det gamle fargehuset til faren, og i 1915 kjøpte han bnr. 46 på Nærbø av (Hans Obrestad?) der han sidan har drive sykle- og sportsforretning, og seinare saman med dei 3 sønene, selt og reparert musikkinstrument og Radio og TV, likeså alt i foto-bransjen. Emelankton har og gjennom mange år drive ei intens arkeologisk gransking av store deler av Jæren, især har han tråla Høgjæren og Varhaug og Ogna, — og mange er dei steinøksar og flintepiler og andre ting frå steinalderen som han har grave fram. Det er og sjølv-sagt at han er med i stell og styre i dei ymse musea både lokale og andre. — Helena og Emelankton har 5 barn:

1. Serine Aadnesen, f. 1-7 1916. Ho er i Jørstads Bokhandel på Bryne.
2. Andreas Aadnesen, f. 18-5 1918. Sjef for den fotografiske bransjen hjå faren.
3. Ole Aadnesen, f. 12-3 1925, gift med Birgit Rita Jørgensen, f. i Silkeborg, Danmark 21-2 1936.
4. Helena Aadnesen, f. 19-2 1921, gift med Edvard Victor Weltzin Børresen, f. i Etne 1918. Busett i Blommenholm, Bærum.
5. Emtton Aadnesen, f. 19-3 1931, gift med Irene Sophie Rodemerk, f. i Hamburg 1934.

66. **Gabriel L. Ånestad** (sjå Ånestad 106.). Han kjøpte bnr. 13 av Ingebret Gausland i 1910. Dreiv med kjøp og salg av slakt, og hadde hingst. Han døde 19-3 1932, og kona, Gurine Tønnesdr. døde 14-4 1961. Sonen Lars Ånestad, som er sjømann, eig nå huset. Han er ugift.

67. **Elias S. Lode** (Lode 64. 8.), fødd 4-9 1889, død 4-8 1932. Gift 27-8 1916 med Karen Elisabet Lode, fødd 24-4 1893 (sjå Lode 72. 3.). Elias Lode var bygningsmann. I 1920 bygde han sitt eige hus, bnr. 13 av Bjorhaug, der enkja nå bur. Dei hadde 7 barn:

1. Sigvard Lode, død. Han var bakar.
2. Elfrid Lode, f. 5-2 1918.
3. Sigrun Lode, f. 23-3 1919.
4. Nils Lode, f. 9-11 1920, gift 1965 med Ingrid Nilsen, Lørenskog.
5. Hanna Lode, f. 16-7 1923, gift 1959 med Torleif Tollefsen, Eigersund.
6. Einar Kristofer Lode, f. 29-6 1925, gift 1947 med Helga Hobberstad, f. 12-11

1924 (Hobberstad i Varhaug 52. 12.). Bakar.

7. Gabriel Lode, f. 1-10 1926.

68. Johan Rasmusen, fødd i Ogna 30-11 1878, gift 7-5 1910 med Malli Gausland, fødd 7-7 1885, død 21-4 1964 (sjå Torland 68. 6.). Johan Rasmusen styrde Nærbø Forbruksforening frå starten i 1905, var sidan i fleire år styrar av Varhaug Handelslag. I 1919 kjøpte han huset og handelen av Hans Obrestad på Nærbø, der han var til han i 1920 selde til Randulf Aadnesen, men budde framleis på Nærbø, til han vart tilsett som driftstyrar ved Jærens Potetmjølfabrik på Klepp. Dei hadde 7 barn, 4 fødde i Varhaug og 3 på Nærbø:

1. Sigrid Rasmusen, f. 10-5 1911, gift med Sverre Nilsen som driv mekanisk verkstad i Oslo.
2. Ingebret Rasmusen, f. 10-7 1913, gift med Inger Eide frå Sandane i Nordfjord. Busett på Sandnes.
3. Målfrid Rasmusen, f. 3-9 1915, sjuke-søster.
4. Guri Rasmusen, f. 6-10 1916, gift med Sigurd Svenson, Klepp. Bur på Våde-land i Klepp.
5. Reidar Rasmusen, f. på Nærbø 23-4 1919, gift med Ingrid I. Ueland, f. i Klepp 22-9 1922. — Bonde på Bore i Klepp.
6. John Rasmusen, f. på Nærbø 6-6 1921. Bankkasserar i Klepp.
7. Kåre Rasmusen, f. i Nærbø 13-6 1923, gift med Karen Olsdr. Skadsem, f. i Sola 26-7 1928. Han er jordstyre-assistent i Klepp.

68B. **Johan Georg Høyland** (sjå Reime 50. 4.), fødd 1-6 1892. Gift 29-12 1921 med Tora Bø, f. 20-11 1897 (Bø 123. 5.). Johan Høyland var bygningsmann og bygde sitt eige hus på Bø-grunn (Dalane) bnr. 79, i 1923. Han selde seinare til Karl Torland og flutte til Hinna, der han sidan var knytt til jernbanen. — Barn: Georg Høyland, f. 30-1 1924.

68C. **Karl P. Torland** (Torland 70. 7.), fødd 5-12 1892. Gift 20-3 1920 med Selma Emilie Svensdotter Årslund, fødd i Varhaug 12-2 (Årslund, Varh. 43. 4.). Kjøpte huset av Johan Høyland, som dei seinare selde til bakar Sverre Lillegraven og flutte til Mæland i Varhaug (sjå der 48.). Lillegraven selde til Anders Hadland, og bygde nytt hus på Skjærpe-grunn (sjå 110.). I 1947 kjøpte Ame L. Aadnesen huset, men har seinare selt att.

69. Selmer Johan Undheim, fødd i Time 27-10 1895, son til Sven Endreson Sikveland på Undheim (Djupedal) og kona Jørgine Ingebretsdtr., f. Kyllingstad. Gift 15-12 1918 med Tomine Ueland, fødd i Varhaug 27-5 1894 (sjå Ueland, Varhaug 78. 3.). Selmer Undheim kjøpte huset av Helge Bø, bnr. 41 av Bø, i 1921. Han er lagermann hjå Underhaug. 4 barn:

1. Jenny Cicilie Undheim, f. 22-10 1919, gift med Odd Emil Dybing, f. i Stavanger 21-3 1919. Snekker og busett på Bø-grunn, Nærbø. Deira barn:
 1. Solveig Dybing, f. 5-12 1940.
 2. Per Toralf Dybing, f. 14-4 1942.
 3. Torhild Dybing, f. 7-7 1945, gift 1965 med Andreas Ueland.
 4. Odd Jan Dybing, f. 8-12 1949.
 5. Aud Dybing, f. 24-9 1954.
2. Torbjørn Undheim, f. 17-9 1921 (191.).
3. Steinar Undheim, f. 22-12 1926.
4. Gunleif Undheim, f. 18-12 1928.

70. Edvard Undhem, bror til 69., fødd i Time 28-6 1888. Gift 1910 med Anne Berte Salte, fødd i Klepp 25-3 1888, dotter til Jon Abrahamsen Salte og kona Johanna Olsdtr., f. Bø (sjå Bø 102. 1.). Han var frå Rugland i Varhaug og bror til Rasmus Tobias Rugland (sjå Nærbø 2B.). Edvard Undheim var murar. I 1928 kjøpte han huset bnr. 37 på Nærbø, bygt i 1913, og som visst Ingeborg Vashus seinare hadde ått. Edvard og Anne Berte Undheim var barnlause.

70B. Jon Jakobson Vigre (Vigre 52. 2.), fødd 4-3 1879, død ugift. Han hadde vore sjømann, kjøpte truleg bnr. 29 av Nærbø på Bø-grunn av Hanna Skrettingland si dødsbu. — Hanna Skrettingland hadde kjøpt av Olaus K. Bø (sjå 57.). Då Jon Jakobson var død vart huset selt til Torvald Gudmestad (sjå Bø 182.), Hanna Skrettingland (sjå Bø 144.).

70C. Karen Torland var fødd på Lode 14-9 1836 (Lode 45. 4.). — Ho døde på Nærbø 23-9 1911, ugift. Kring 1890 kom ho frå Torlands-myro, der ho hadde butt i eit lite hus som ho flutte til Nærbø på Bø-grunn, bnr. 28 av Bø. Karen Elisabet Torland dreiv med veving og spinning, ho gjorde og tenest som kokk i vertskap og festar. — Ho hadde ei dotter: Karen Andreasdtr., f. i Stavanger 1872. Ho tok over huset etter mora og dreiv med maskinspøting. Då ho var død, tok Torleiv Larsen over huset av arvingane og selde det til Ragnar Fitje i 1951, som då bygde nytt hus (sjå 125.).

70D. Bertinius M. Lode (sjå Lode 74.), bygde hus bnr. 42 på Bø-grunn i 1938, etter han hadde selt Lode. Seinare selde han til Olaf Brandt Reitan, som atter selde til Håkon Serigstad i 1954 (sjå 96.).

70E. Jorina Skrettingland (Skrettingland 27. 2.), var fødd i Varhaug 17-4 1856, død på Nærbø 12-5 1941, ugift. Ho hadde vaske- og strykeforretning. Då ho var død tok systerbarna, Berta Ueland og Reinert Skrettingland over huset som næraste arvingar. Jorina Skrettingland kjøpte truleg grunn av Karen Torland.

70E. Jonas J. Høyland (Høyland 136. 5.), var fødd 11-12 1879, død 5-6 1935, ugift. Han var byggmeister, og dei husebygg han har vore meister for både i Nærbø og andre stader, i tida frå kring 1900 til han døde, er tallause. I 1914 bygde han sitt eige hus på Dalane av Nærbø, bnr. 36. Dette selde han til veterinær Einar Hognestad (?). Så bygde han eit mindre hus (på byksla grunn?) i Skjærpemarka. Han hadde med seg systera Elisabet Justine Høyland som var skreddar, og då ho var død i 1941 vart huset flutt bort av arvingane.

71. Bernhard Tjessem er fødd i Høyland 9-9 1890, han er son til Kristian Knutson Tjessem på Kyllest i Høyland og kona Regina Bjørnsdtr., f. Kyllest. Gift 1) med Inger Maria Thorsen, f. 8-6 1891. Gift 2) 1946 med Bergljot Sørensen, f. 15-4 1903, d. 20-8 1968. — Bernhard Tjessem vart styrar i Nærbø Handelslag etter Eilert Tjensvoll i 1918. I 1945 slutta han i Handelslaget og har sidan drive agenturforretning på Nærbø. I 1938 bygde han sitt eige hus på Skjærpe-grunn, bnr. 45 og 55. — B. Tjessem har vore bibliotekar i Nærbø Folkeboksamling sidan 1955. Han har 4 barn av første gifte:

1. Kristian Tjessem, gift med Tordis Pedersen.
2. Karen Tjessem, gift med Nils Melhuus, Brekstad. Meieristyrar og meierilærar.
3. Johan Arnt Tjessem, f. på Nærbø 5-8 1922, gift med Aslaug Eie. Jembanefullmektig i Stavanger.
4. Rolf Tjessem, f. på Nærbø. Gift med Annie Bjercke.
Bergliot Tjessem sine barn:
5. Sylvia, gift med Arne Rhode.
6. Kenneth Olsen, gift m. Alise Andersen (USA).

72. Maria Ånestad, skreddar, fødd i Varhaug 18-7 1864, død på Nærbø 5-9 1956

(sjå Ånestad 83. 1.). — Ingeborg Maria Anestad (Maria i Steinane) budde på Nærbø så langt tilbake som eg kan minnast, dei første åra i leigt husrom. Ho var skreddar og ugift. I 1913 bygde ho sitt eige hus på Skjærpe-grunn bnr. 37, som ho selde litt seinare, og bygde eller kjøpte eit anna hus på Bø-grunn, bnr. 28, tvers over vegen eller gata frå det første huset, og der vart ho buande til ho døde. Brorsonen, Trygve Anestad, løyste då inn huset av dødsbua. Det første huset hadde Edvard Undheim kjøpt av henne.

73. **Trygve Tørreson Kvía**, — slaktar (er førd på Skjærpe 52.).

74. **Lars Larsen**, smed, fødd i Egersund 1892, son til Jon Larsen og kona Anne Gurine. Gift 5-12 1914 med Inga Bertine Skjærpe, fødd 5-4 1891 (Skjærpe 34. 10.). Lars Larsen kom i lære hjå Underhaug, der han var i fast arbeid i mange år. Dei har butt på Nærbø heile tida, med undantak av eit par år i Klepp og eit års tid på Vigrestad. Den meste tida har dei leigt husrom, — men så kjøpte dei "Grete-Guria-huset" av Justine Motland si dødsbu. Larsen tok seg seinare arbeid i eit smedefirma i Stavanger, men arbeidde sidan hjå Reime & Co. på Nærbø. Lars Larsen har og vore og er framleis ein typisk sports- og friluftsmann. Han har og eit talent for teikning, som er noko uvanlegt for ein grovsmed å vera. Dei har 5 barn:

1. Ingeborg Marie Larsen, f. 22-10 1915, gift med Ragnvald Engelsvoll (Store Håland 40.).
2. Anne Gurine (Guri) Larsen, f. 21-8 1917, gift med Ingvald Olson Stokka i Høyland, f. 17-3 1922.
3. Jon Larsen, f. 8-6 1919, gift 1943 med Tordis Rasmussen, f. på Moi i Lund 10-7 1919. Bakar, busett på Nærbø.
4. Bertel Skjærpe Larsen, f. i Klepp 14-1 1922. Han er murar og for tida busett i Numedal. Bertel Larsen har vore mykje nytta som ambulerane instruktør i folkevisedans, musikk og song i Numedal og Telemark.
5. Ole Andreas Larsen, f. på Vigrestad 1927, gift med Signy Aadnesen, f. i Skudesnes 28-9 1925 (Nærbø 72. 1.).

75. **Laurits Ueland**, smed, er fødd i Varhaug 14-4 1896, gift 11-3 1917 med Gurine Hansdotter Haugstad, fødd i Klepp 27-7 1894, dotter til Hans Ellingson Ivesdal på Horpestad i Klepp og første kona Gurine Birgitte Johannesdotter, f. Horpestad. —

Ho var fostra hjå mostermannen Mikal Haugstad på Varhaug. Laurits Ueland var i lære hjå Underhaug. Han tok til med eige smedeyrke på Nærbø, med smidje ymse stader. I 1920 bygde han hus på Skjærpe-grunn, bnr. 43, og i 1950 bygde han verkstad på same staden. — Sønene har no teke over. Dei har 4 søner:

1. Alf Ueland, f. 19-1 1919.
2. Sverre Mikal Ueland, f. 26-8 1921.
3. Harald, f. 10-1 1923, gift 1965 med Liv Håland, Varhaug.
4. Gerald Ueland, f. 19-5 1923, gift 24-3 1956 med Inger Olsdtr. Eikeland, f. i Time 4-9 1925, dotter til Ole J. Eikeland og Rakel Justine, f. Risa (Nærbø 38. 1.).

76. **Jon J. Reime**, smed (sjå Ødemotland 18. 3.). Fødd 20-9 1892. — Jon J. Reime gjekk smedelæra hjå Ola Ødemotland, — der han var dreng i ungdommen. Han tok til med eiga smedeverksemd på Skjærpe-grunn ved Nærbø Stasjon. Seinare gjekk han saman med Tobias H. Obrestad under namnet Reime & Co., seinare gjekk han ut or firmaet og bygde si eiga smidje på Bjorhaug-grunn. Denne selde han så til Jostein Indrebø, som nå driv smedeverksemd der. Jon Reime er ugift.

77. **Reime & Co., Tobias H. Obrestad**, son til 42., er fødd 23-10 1911. Gift 1941 med Torbjørg Skretting, f. i Klepp 2-1 1914, dotter til Tønnes Nils-Mikalson Skretting på Kleppe og kona Malena Toresdtr., f. Laland (sjå Skretting 105 10.). Tobias Obrestad brukar framleis firmanamnet Reime & Co. Han har dreve det opp til stordrift i produksjon av fjosinventar, lutekummar og jordbruksmaskinar. Barn:

1. Ellaug Obrestad, f. 7-9 1942, gift 27-7 1963 med Kjell Heskestad.
2. Harald Obrestad, f. 12-3 1945, gift 1967 m. Tove Reidun Høyland, Ree, Bryne.
3. Torolf Obrestad, f. 28-10 1952.

78. **Randolf Aadnesen** (sjå 8. 5.), f. 26-2 1894, gift 1921 med Sigrid Garborg, f. i Time 25-7 1897, dotter til Tomas og Serina Garborg. Randolf var målar av yrke. I 1920 kjøpte han handelshuset av Johan Rasmussen og dreiv kombinert målar- og handelsforretning. Han bygde eit stort tidsmessigt hus som han selde til brorsonen, Paul Aadnesen. Så bygde han nytt bustadhus til seg og kona på Bø-grunn. Dei er barnlause.

79. **Andreas Aadnesen jr.**, bror til 78., er fødd 6-3 1900, gift i Skudenes 1924 med

Maria Skimmeland, f. i Sunnhordland 11-2 1904, — dotter til Paul og Britha Skimmeland. Andreas Aadnesen jr. var styrar av Skudenes Forbruksforening. Då faren døde i 1938, tok han over konfeksjonshandelen etter han på Nærbø. Dei har 3 barn, alle fødte i Skudenes:

1. Signy Aadnesen, f. 28-9 1925, gift med Ole Andreas Larsen.
2. Paul Aadnesen, f. 23-12 1928, gift med Liv Margreta Hetland, f. i Riska 13-12 1933, dotter til Ingebret og Elfrid Hetland. Paul Aadnesen tok over handelshuset etter farbroren Randolph Aadnesen.
3. Aadne Aadnesen, f. 20-10 1935, gift 22-7 1961 med Margreta Bjørklund, f. i Time 24-1 1943, dotter til sjåfør på Bryne, Erling Bjørklund og kona Margoth, f. Aschehoug. Aadne Aadnesen er postopnar på Nærbø.

80. Leif Teig, lækjar, fødd i Fana 1893, gift i Nærbø 15-12 1924 med Dagny Marie Solheim, frå Oslo, f. 1900, dotter til tollkontrollør i Oslo Ole Solheim. Dei vart seinare skilde. — Leif Teig var lækjar i Nærbø til etter krigen 1940/45. — Han flutte seinare til Fana. Ei dotter og ein son fødte på Nærbø:

1. Liv Teig, f. 27-9 1925.
2. Knut Teig.

81. Håkon Mossige (21. 1.), f. 20-12 1897, gift 21-12 1922 med Anne Margreta Haugland, f. i Varhaug 14-12 1898 (Haugland, Varh. 42. 5.). Håkon Mossige var skomakar og heldt fram i faren si forretning. Barn:

1. Maria Mossige, f. 27-6 1919 i Varhaug, gift 1940 med Eskild Lode, f. 18-9 1913 (Lode 79. 4.). Sjåfør på Nærbø (138.).
2. Mildrid Mossige, f. 1929, gift 7-11 1964 med Otto O. T. Kvia (Kvia 72. 10.).
3. Haldor Mossige, f. 1931, gift 1955 med Aksli Vigre, fødd i Varhaug 15-9 1934 (Vigre 63. 14.). Målar på Nærbø.

82. Henrik Andersson Hadland, f. i Ogna 1896, son til Anders Henrikson Hadland og kona Lisa Gurina Eriksdtr., gift med Justine Larsdotter, fødd 1898. — Henrik Hadland var gardsdreng ymse stader, seinare fengselstenar på Opstad. Han kjøpte hus, bnr. 18 på Dalane, Nærbø, av Olai Olsen. Dette selde han til Berta Serina Grødem kring 1930, og kom seinare til Stavanger, der han var knytt til fengselstenesta. Han er busett i Tananger. — 1 barn fødd i Nærbø:

Arne Hadland, f. 25-2 1926.

83. Berta Serina Grødem (sjå Grøtheim 20. 4.), fødd 18-12 1878, død 28-9 1930, ugift. Etter mange års opphald i Amerika kjøpte ho hus bnr. 18 på Dalane av Henrik Hadland.

83B. Halvor Mossige jr., bror til 81., er skomakar. Han er fødd 18-9 1905, gift 1932 med Jenny Hinna, fødd på Hinna 13-3 1910, dotter til Sigvard og Johanna Hinna. Halvor Mossige kjøpte bnr. 18 av Berta Grødem si dødsbu i 1931. Dei har 7 barn:

1. Harry Mossige, f. 1933, gift med Annbjørg Røe, f. i Tolga i Østerdalen. Han er lærar i Bærum.
2. Bjørg Mossige, f. 1934.
3. Marthon Mossige, f. 1935, gift med Anne Marie Nærland, f. 7-8 1934 (sjå 193.). Pleier på Nærland Sjukeheim.
4. Harald Mossige, fødd 1936, gift med Åsa Haugland, fødd i Time 1944, — dotter til Helmik og Berta Haugland. Elektrikar.
5. Magnor Mossige, f. 1942.
6. Sigmund Mossige, f. 1943, gift med Anne Brit Modlund frå Vengsøy i Nordland, pleier ved Nærland Sjukeheim.
7. Johanne Marie Mossige, f. 1949.

84. Einar E. Hognestad, veterinær, fødd i Time 10-7 1899, son til Elias A. Hognestad og kona Gustine Tønnesdtr., fødd Brekken. — Einar Hognestad kjøpte hus bnr. 36 på Dalane av Jonas J. Høyland i 1935. Han flutte seinare til Bryne, og huset vart selt til Grete og Sigrid Ødemotland. Einar Hognestad gift 1930 med Berta Thorsen, fødd i Høyland 1-8 1892. Ein son:

Gorm Elias Hognestad, f. 25-4 1931.

85. Oline og Berta-Henrikke Mossige (sjå 21. 4. og 8.). Då faren gav frå seg skomakaryrket til sonen Håkon Mossige, kjøpte han hus, bnr. 44 på Dalane av Martin M. Anestad, som hadde bygt det kring 1930, og som straks etter bygde eit anna hus, ved sida av dette, bnr. 48. Då faren var død, tok døtrene over huset, og då dei seinare gifta seg og flutte bort, kjøpte broren, Halvor Mossige jr. det, og son hans, Sigmund Mossige har nå teke imot det. — Oline Mossige er gift med Martin Rødås, og bur i Oslo. — Berta-Henrikke er gift med Ole Fulsås, bur i Botne i Vestfold.

86. Erik Erikson Årsland, handelsmann, fødd i Varhaug 26-6 1900 (sjå Årsland,

Varh. 37. 7.). Gift 19-9 1926 med Kirsten Opstad, fødd 13-10 1901 (sjå 46. 3.). Erik Årsland kom til Nærbø som krambudreng i Nærbø Handelslag. — Han var seinare styrar av Vigrestad Forbruksforening. — Siden tok han over handelen etter verfare R. R. Opstad. Fru Kirsten Opstad var postopnar etter faren til ho slutta for alderen. Erik Årsland har vore med i Nærbø Heradstyre, og er nå den første ordføraren i Hå Kommune frå 1963. Dei har 9 barn:

1. Eirik Årsland, f. 23-7 1927, gift 23-12 1961 med Sigrid Bore, f. i Høgsvjord 3-2 1938 (sjå Bø 210. 1.). — Han er tannlækjar.
2. Rasmus Årsland, f. 31-11 1928.
3. Kirsti Årsland, f. 13-5 1930, gift 16-5 1959 med Alf Arve Clementsen, telegrafist.
4. Kristian Årsland, f. 30-3 1932, gift 7-11 1957 med Vera Knabe (frå Lübecke, Tyskland). Han er tannlækjar.
5. Sofie Årsland, f. 30-6 1935, gift med Aslak Helleve, Voss.
6. Einar Årsland, f. 13-4 1938, gift 1968 med Solveig Lygren.
7. Kari Årsland, f. 20-11 1939.
8. Anne Marie Årsland, f. 18-12 1942, gift 1968 med Willy Johnsen, Lavangnes.
9. Tjøll Årsland, f. 10-11 1945.

87. **Knut** Arrestad, — snikker og trelasthandlar, fødd i Helleland 21-5 1887. Gift 1917 med Hanna Øgreid, fødd i Stavanger 11-4 1894, dotter til Halvør og Sara Øgreid frå Helleland. Knut Arrestad er son til Sem Svenson Arrestad frå Næse i Gjesdal og andre kona, Malena Nilsdr., f. Bø (sjå Bø 101. 6.). Han kom i lære hjå Jonas Brekken, som var gift med moster hans. Sidan dreiv han snekkerforretning på Sandnes ei tid, var så nokre år i Amerika, sidan tok han over trelasthandelen og snekkeryrket etter Jonas Brekken. Dette har han utvida og modernisert under namn av Nærbø Trelastforretning A/S. Dei har 5 barn:

1. Signe Margrete Arrestad, f. i Sandnes 7-7 1918, — gift med Gaute Obrestad (sjå 108.).
2. Halvor Øgreid Arrestad, f. på Sandnes 15-7 1920, gift 23-3 1963 med Johanna Strand, f. på Buøy.
3. Edith Helene Arrestad, f. på Sandnes 21-4 1923, gift 1945 med Trygve Åsmundson Skåland, f. i Lund 2-5 1914. Verkstadformann hjå Knut Arrestad.
4. Svein Inge Arrestad, f. 29-9 1932, gift med Lillian Betten Ueland, U.S.A., f. 1930. Han er sivilingeniør, og leidar i

Nærbø Trelastforretning A/S. — Barn: Grete, f. 1957, Hilde, f. 1959, Knut, f. 1960.

5. Jofrid Arrestad, f. 26-4 1935, gift 6-7 1963 med Vidar Simonsen, f. i Høyland 4-11 1931.

88. **Tobias R. Ånestad** (sjå Kvia 59. 2.). Fødd 16-12 1888, død 25-5 1969, gift 14-9 1935 med Gudrun Edland, fødd 2-4 1898 (sjå Bø 126. 9.). — Tobias Ånestad var linjemann for E-verket i Nærbø. Dei dreiv dessutan pensjonat, som Gudrun Edland hadde drive nokre år før dei var gifte. I 1935 bygde dei Edlands Pensjonat på kjøpt grunn, bnr. 50. Dei har 2 barn:

1. Guri Ånestad, f. 14-11 1936, gift 28-7 1956 med Tore Melvin Edvardsen (frå Oslo?).
2. Reidar Ånestad, f. 6-2 1938, gift 27-6 1964 med Anne Marie Grimstad, f. i Haugesund. Han har teknisk utdanning. Bur på Nærbø (sjå 203.).

89. **Jon** Henriksen, maskinist, f. Helvik i Eigersund 13-5 1902, son til Henrik Jonson Helvik og kona Elen. Gift 1930 med Johanna Våge, fødd i Gjesdal 27-8 1907, dotter til Sivert og Rakef Våge. Jon Henriksen er maskinist ved Nærbø Meieri. Han har vore medlem i Nærbø Heradstyre fleire valbolkar, og har hatt fleire andre kommunale ombod. I 1933 bygde dei sitt eige hus på Nærbø (Dalane) bnr. 49. — Dei har 7 barn:

1. Einar Henriksen, f. 30-4 1931.
2. Reidun Margreta Henriksen, fødd 6-9 1932, — gift 28-7 1956 med gartner Gunner Woie, Austre Moland.
3. Henrik Henriksen, f. 31-12 1933, gift 1-12 1956 med Marit Skjærpe, f. 10-1 1933 (Skjærpe 53. 2.). Han er meierist.
4. Sverre Henriksen, f. 29-1 1939, gift 1958 med Anne-Grete Thune, fødd i Stavanger.
5. Asa Henriksen, f. 3-1 1942.
6. Solvor Henriksen, f. 30-6 1943.
7. Roar Henriksen, f. 8-4 1951.

90. **Tønnes Omundson Garborg** (Bø 154. 1.), f. 17-3 1909, d. 13-6 1964, gift 1931 med Solveig Skjæveland, fødd i Høyland 10-4 1910. Han var murar. — 3 barn:

1. Marry Garborg, f. 9-1 1933, gift med Erling Nærland.
2. Sonja Irene Garborg, f. 22-12 1936, gift 7-6 1958 med Ivar Murvold.
3. Oddbjørn Garborg, f. 16-5 1938, gift 1966 med Anlaug Vig, Klepp.

91. **Bernhard Gudmestad** (Gudmestad 46.

6.), fødd 7-7 1894, gift 1929 med Elisabet Johannesdotter Fuglestad, fødd i Ognå 27-12 1895. Han har vore jordarbeidar, dei siste åra gravar ved Nærbøkyrkja. Dei har 3 barn:

1. Bjarne Marton Gudmestad, fødd 23-5 1930.
2. Johannes Gudmestad, fødd 22-2 1932, gift 1957 med Berit Bore, Klepp.
3. Berton Emil Gudmestad, f. 16-9 1933.

92. **Arne I. Søyland**, sjåfør, fødd i Ognå 15-10 1901, død 1-1 1965, son til Ingvald Andreasson Søyland og kona Berta Velasdr. Topdal (sjå Søyland 30. 2.). Han var gift med Tora Tobiasdr. Undheim, fødd i Nærbø 3-7 1902 (Gausland 36. 5.). Arne Søyland kjøpte bnr. 85 av Bø på Dalane. Dette huset hadde stande på Skjærpe, og enkja Maria Pedersdotter Skjærpe flutte det til Bø (sjå Skjærpe 31.). — 3 barn:

1. Ingvald Søyland, f. 19-11 1924, gift 29-8 1942 med Erna Ueland, f. i Varhaug. Sjømann, bur på Urheia, Nærbø.
2. Trygve Søyland, f. 3-3 1927, gift med Gerd Lauknes (frå Rossfjordstrømmen). Sjåfør. Bur på Vigre.
3. Ingrid Janny Søyland, f. 15-8 1930, gift med Trygve Gausland Mossige, f. i Time 15-8 1924.

93. **Trygve E. Håland** (sjå Skjærpe 42. 1.), fødd 18-10 1899. Gift 1925 med Karen Olene Ertkern, fødd i Time 23-4 1898 (sjå Bø 142.). Trygve Håland er fengsels-tenar på Opstad. I 1935 bygde han sitt eige hus på Dalane av Bø, bnr. 98. — 3 barn:

1. Ingrid Håland, f. 6-6 1926, gift 19-8 1950 med Jakob Teodor Seland, f. i Bakke.
2. Eldar Håland, f. 11-10 1928, gift med Bothild Haga, f. 19-11 1924 (116. 2.).
3. Kåre Edvin Håland, f. 28-2 1939.

94. **Olaf Eikeland**, snekker, f. på Sandnes 28-2 1910, — son til Laurits Torgerson Eikeland frå Time og kona Berta Hansine, f. Brådli, gift 19-5 1940 med Maria Bø, fødd 29-8 1916 (Bø 159. 4.). Bur på Bø, bnr. 54. Dei har 2 barn:

1. Bjørg Eikeland, f. 5-10 1943, gift 7-12 1963 med Kjell Ødegård, f. i Varhaug 6-12 1941.
2. Helga Eikeland, f. 24-1 1947, gift med Ove Varhaug.

95. **Ame Hognestad**, f. i Stavanger. Fullmektig på Opstad Arbeidshus. Bygde hus på Bø-grunn, bnr. 55, i 1948. Barn:

Stein Hognestad, gift m. Doris Fjelde, Jørpeland.

96. **Håkon Serigstad**, snekker, fødd i Time 28-2 1905, son til Jon og Maria Serigstad, gift 1929 med Borghild Rasmusdr. Tu, f. i Klepp 29-4 1906. Håkon Serigstad var snekker hjå Jonas Brekken og Knut Arrestad. I 1930 bygde han hus, bnr. 100, på Bø-grunn, som Malena Anestad seinare kjøpte. Så bygde han bnr. 112 på Bø-grunn i 1940, som Gerhard Njølstad kjøpte i 1946. I 1954 kjøpte han hus bnr. 46 på Bø-grunn av Olaf Brandt Reitan, som Bertinius M. Lode hadde bygt (sjå 70D.). Håkon Serigstad har 3 barn:

1. Aud Serigstad, f. 9-11 1929.
2. Liv Serigstad, f. 24-7 1933, gift med Tor Mo.
3. Bjørg Serigstad, f. 26-2 1946.

97. **Gerhard Marselius Njølstad** (26. 7.), fødd 25-5 1913, sjåfør. Gift 1938 med Tora O. Voll, f. i Varhaug 6-9 1913 (sjå Voll, Varhaug 121. 5.). Han kjøpte hus, bnr. 112 på Bø-grunn, av Håkon Serigstad i 1946. — Barn:

Gunnar Njølstad, gift 6-8 1960 med Edith Kvianes, f. i Ognå 24-6 1940.

98. **Johan Larsson Haugland**, anleggsarbeidar og konstruktør, fødd i Varhaug 24-4 1915 (sjå Haugland, Varh. 34. 4.). Gift med Mildfrid Martinsdotter Gemre, fødd i Hetland 23-8 1920. Han bygde sitt eige hus på Bø-grunn, bnr. 119, i 1947. Barn:

1. Magne Haugland, f. 7-10 1940.
2. Alf Haugland, f. 13-6 1942.
3. Mildfrid Haugland, f. 26-2 1945.
4. Lars Haugland, f. 22-10 1946.
5. Johanna Margreta Haugland, f. 17-4 1951.

99. **Alf P. Sør-Reime** (Sør-Reime 47. 1.), fødd 21-3 1919, gift 1941 med Margit T. Bø, fødd 19-11 1920 (Bø 157. 10.). Han er sjåfør. Bygde sitt eige hus, bnr. 123, på Bø-grunn, i 1948. Ei dotter:

Marit Sofie Sør-Reime, f. 22-10 1941, gift 7-11 1964 med lærar Leif Ingve Stålesen frå Lyngdal.

100. **Odd Emil Dybing**, snekker, fødd i Stavanger 21-3 1919, son til Tarald Olson Dybing frå Heskestad og kona Petra Kathinka frå Sogn. — Gift med Jenny Cicilie Undheim, f. i Nærbø 22-10 1919 (sjå Nærbø 69. 1.). Bygde sitt eige hus på Bø-grunn, bnr. 118, i 1951. 5 barn:

1. Solveig Dybing, f. 5-12 1940, gift 30-12 1961 med Norin Mathiesen.

2. Per Toralf Dybing, f. 14-4 1942, gift 1961 med Kari Else Voll, f. i Varhaug.
3. Torhild Dybing, f. 7-7 1945.
4. Odd Jan Dybing, f. 8-12 1949.
5. Aud Dybing, f. 24-9 1954.

101. Guttorm Aarhun, politisekretær, f. i Sauda 21-4 1910, son til Sjur og Anna Aarhun, gift 1941 med Johanna Gausland, f. 23-5 1910 (Gausland 38. 3.). Ho er lærar i Nærbø. Bur på Bø-grunn bnr. 109. — Barn:

Sigmund Sjur Aarhun, f. 22-6 1944.

102. Ragnvald R. Salte, smed, f. i Klepp 26-4 1920, son til Rasms I. Salte og kona Olette. — Gift med Hanna Tønnesdotter Våland, fødd i Varhaug 12-1 1919, dotter til Tønnes og Regina Våland (Sæland, Varh. 23. 2.). Dei bygde sitt eige hus på Bø-grunn i 1948, bnr. 129. — Barn:

1. Terje Salte, f. 31-10 1945.
2. Reidun Salte, f. 16-10 1948.
3. Roald Salte, f. 22-9 1949.

103. Elias Birkeland, smed, fødd på Stord 20-6 1913, son til Ole og Ingeborg Birkeland, gift 1943 med Ingebjørg Åtland, f. i Gyland 25-8 1917. Bygde sitt eige hus, bnr. 122, på Bø-grunn, i 1948: Barn:

1. Ingrid Berit Birkeland, f. 12-3 1944.
2. Oddfrid Birkeland, f. 15-8 1949.
3. Johan Olav Birkeland, f. 12-2 1953.

104. Hans Bjorland (Bjorland 32. 2.), f. 22-12 1921, gift 19-5 1948 med Borghild Olaug Rusdal, fødd i Lund 22-12 1922, dotter til Sigbjørn og Inger Rusdal. — Hans Bjorland er telegrafist på Nærbø. — Dei kjøpte bnr. 133 på Bø-grunn av Omund Garborg i 1950. Barn:

1. Kirsten Maria Bjorland, f. 10-8 1949.
2. Inger Johanna Bjorland, f. 21-3 1954.

105. Sina Kvia (sjå Kvia 66.). Då mannen var død selde ho Røderullen på Kvia og bygde hus på Nærbø på Bø-grunn, bnr. 106. der ho har butt saman med dottera Marta og mannen hennar, Anders Norstø, fødd i Egersund 28-2 1898, død 29-8 1960. Deira barn er:

Anne Marie Norstø.

106. Sem **Larsen**, bakar (sjå Skjærpe 43. 4.), fødd 26-4 1898, død 8-1 1966, gift med Hilda Vatne, fødd i Stavanger 10-5 1905. — Sem Larsen har vore bakar i Nærbø Handelslag meir enn 50 år. I 1929 bygde dei sitt eige hus på Bø-grunn, bnr. 72. Dei har 3 barn:

1. Svanhild Larsen, fødd 17-1 1930, gift

28-10 1950 i Sverige med Karl Rolf Karlson, Graverne, Sverige.

2. Lars Bernt Larsen, f. 11-2 1932, gift 1954 med Ragnhild Marie Thorsen.
3. Georg Malvin Larsen, f. 26-11 1933.

107. Tønnes S. Lode, handelsmann (sjå Lode 82. 4.), fødd 1-7 1912, gift 18-9 1937 med Jorun Skjærpe, f. 15-9 1911 (Skjærpe 44. 4.). Kjøpte hus av Martin Haugland, bnr. 29 på Skjærpe-grunn, i 1945. Før den tid dreiv dei handel i leigt hus hjå Håkon Mossige. Dei har 4 barn:

1. Steinar Lode, f. 1-10 1938, gift 30-12 1961 med Ruth Bollingmo frå Trondheim.
2. Møyfrid Lode, f. 27-4 1946.
3. Solveig Lode, f. 16-1 1948.
4. Asgeir Lode, f. 10-4 1951.

108. Gaute Obrestad, handelsmann (sjå Obrestad 41. 5.), fødd 28-11 1917, gift 1948 med Signe Margrete Årrestad, fødd i Sandnes 7-7 1918 (sjå Nærbø 87. 1.). Gaute Obrestad var først krambudreng i Nærbø Handelslag. Sidan tok han til med handel i det gamle "Brekke-huset", som han kjøpte av Nils Brekken. — Dei kjøpte eit bustadhus på Urheio, bnr. 58, av Torger Østrem. Dei har 3 barn:

1. Berit Helene Obrestad, f. 4-8 1949.
2. Sigrun Obrestad, f. 19-1 1952.
3. Kari Obrestad, f. 20-6 1955.

109. Ragnvald Reime, handelsmann (sjå Reime 55. 8.), fødd 13-4 1912, gift 21-8 1948 med Kristine Hognestad, f. i Time 11-11 1906, syster til 84. — Dei bygde kombinert handels- og bustadhus i 1946, bnr. 61 på Skjærpe-grunn. Ikkje barn.

110. Sverre Lillegraven, bakar, f. i Høyland 21-4 1903. Gift 1923 med Kristine Hansdotter Haga, fødd i Sola 2-8 1904, dotter til Hans og Martha Haga. Sverre Lillegraven var bakarmeistar i Nærbø Handelslag til han døde. I 1937 bygde dei sitt eige hus, bnr. 42, på Skjærpe-grunn. 2 barn:

1. Anna Lillegraven, f. 25-11 1923.
2. Helga Margareth Lillegraven, f. 10-3 1931.

111. Tarald Kvia, slaktar (sjå Skjærpe 52. 8.), fødd 13-9 1921, gift 4-3 1944 med Eva Irene Reiersen, fødd i Stavanger 3-8 1926. Han driv slaktarforretning saman med broren Trygve som dei tok over etter faren i 1951, — under namnet Brødrene Kvia. — Tarald bygde sitt eige bustad-

hus i 1925, bnr. 57 på Skjærpegrunn.
Barn:

1. Tor Kvia, f. 10-8 1944.
2. Solvor Tone Kvia, f. 26-4 1950.

112. Trygve Kvia, — slaktar og handelsmann, bror til 111., fødd 21-9 1920, gift 1947 med Kjellfrid Møller, fødd 8-4 1926, (sjå Bjorhaug 20. 1.). Trygve Kvia driv slaktarforretning saman med broren Tarald. Bygde sitt eige bustadhus, bnr. 68, på Skjærpe-grunn, i 1952. Barn:

1. Trond Kvia, f. 4-5 1950.
2. Magnar Kvia, f. 7-8 1953.

113. Erik J. Øgård, fengselstenar på Opstad, fødd i Klepp 16-12 1908, son til Johan og Berta Øgård, gift 15-9 1934 med Helga Gudmestad, fødd 29-9 1909 (Næsheim 114. 11.). Bygde sitt eige hus, bnr. 46, på Skjærpe-grunn, i 1939. — 4 barn:

1. Tor Odd Øgård, f. 31-3 1935.
2. Bjørg Jorun Øgård, f. 11-7 1938, gift 1958 med Eilef Tjølsen.
3. Helga Øgård, f. 4-1 1950.
4. Einar Øgård, f. 18-10 1943, d. 1948.

114. Einar Tønnesson Reime, vegformann (sjå St. Håland 37. 3.), fødd 7-5 1918, gift med Ingrid Øysteinsdtr. Gvarv, f. i Varhaug 1-11 1918. Einar Reime kjøpte hus, bnr. 51 på Skjærpe-grunn av O. T. Skjærpe i 1946. Barn:

1. Aud Irene Reime, f. 4-5 1948.
2. Tor Reime, f. 24-12 1953.

115. Sigurd Romslo, telegrafist, fødd i Helleland, død 1942, son til Johannes og Kristofa Romslo. — gift 5-11 1920 med Oline Anestad, fødd i Nærbø 29-3 1899 (Kvia 59. 4.). Dei bygde eige hus, bnr. 53., på Skjærpe-grunn i 1939. Oli Romslo har vore nytta mykje som revisor i Nærbø Meieri og Nærbø Handelslag. 4 barn:

1. Johan Krohn Romslo, f. 9-8 1922, gift med Sigrid Nilsdtr. Undheim, f. 26-3 1926. Han er i arbeid hjå Eik Motor Co.
2. Rolf Kåre Romslo, f. 16-1 1921. Kemiingeniør i Trondheim.
3. Odd Sigmund Romslo, f. 23-1 1924, gift 28-12 1946 med Kristine Kvia, f. 10-12 1926 (sjå Primstad, Varh. 19. 7.).
4. Liv Dagny Romslo, f. 27-11 1925, gift 22-7 1950 med Ragnvald Botne.

116. Albert Haga, lærar og klokkar, fødd i Skudenes 25-3 1892, son til fiskar og bonde Peder Arnbjørnson Haga og Lovisa Larsdtr., f. Haga. — Gift 1916 med

Helma Ulriksen, fødd i Spangereid 6-3 1891, dotter til fiskar Herman Ulriksen Avik og kona Tobine, f. Olsen. I 1920 vart Haga lærar ved Tryggheim Ungdomskule i Nærbø. I 1933 vart han lærar og klokkar i Nærbø. Han slutta som lærar i 1960 og som klokkar i 1963. I 1952 bygde han sitt eige hus på Skjærpe-grunn, bnr. 54. Dei har hatt 2 adoptivbarn:

1. Svein Haga, fødd 24-12 1922, busett i Bærum.
2. Bothild Haga, f. 19-11 1924, gift med Eldar Håland, f. 11-10 1928 (93. 2.).

117. Harald Gudmestad, fengselstenar på Opstad (sjå Gudmestad 47. 10.), fødd 7-9 1907, gift 6-2 1937 med Aslaug Salte, f. 17-3 1911 (sjå Njærheim 135. 6.). Dei bygde sitt eige hus, bnr. 49 på Skjærpe-grunn, i 1939. Barn:

1. Solvor Gudmestad, f. 14-6 1937, gift 23-2 1957 med Lars Skrudland, Time.
2. Torstein Gudmestad, f. 25-12 1939, gift med Ingunn Stavnheim, Varhaug.

118. Elling Sør-Reime, sjåfør (Sør-Reime 41. 8.), fødd 28-7 1905, gift 2-11 1935 med Karlotte Bjorland, f. 8-6 1908 (Bjorland 27. 4.). Han bygde sitt eige hus, bnr. 56, på Skjærpe-grunn i 1940. 3 barn:

1. Arvid Magne Sør-Reime, f. 6-1 1939.
2. Kjerstin Irene Sør-Reime, f. 27-1 1944.
3. Kjell Egil Sør-Reime, r. 16-1 1955.

119. Peder O. Håland, sjåfør (sjå Høyland 177. 1.), fødd 16-7 1907, gift 10-9 1933 med Guri Njølstad, fødd 16-11 1910 (sjå Nærbø 26. 6.). Bygde sitt eige hus, bnr. 60, på Skjærpe-grunn i 1945. Barn:

1. Herdis Håland, f. 18-2 1934.
2. Gunleif Håland, f. 13-4 1938, gift 1961 med Berit Svendsen, Sola.

121. Martin Torvund, elektrikar, fødd i Fitjar 19-7 1918, son til Ole og Helene Torvund, gift 1943 med Inger Helliesen, fødd i Sandnes 23-2 1918, dotter til Gunnar og Karin Helliesen. Bygde eige hus, bnr. 71, på Skjærpe-grunn i 1952. Barn:

1. Olav Torvund, f. 10-2 1946.
2. Gunnar Torvund, f. 9-7 1948.
3. Helge Torvund, f. 20-8 1951.

122. Aksel Underhaug, fabrikkarbeigar (sjå Nærbø 49. 4.), fødd 29-4 1907, gift 1939 med Sofia Kristoffersen, fødd i Fister 16-9 1913, dotter til Lars og Olava Kristoffersen. Dei bygde sitt eige bustadhus, bnr. 83, på Skjærpe-grunn i 1955. Aksel Underhaug er medeigar i A/S Underhaugs Fabrikk. Barn:

1. Nils Frode Underhaug, f. 21-4 1941, gift 1964 med Tone Èrsdal, Sandnes.
2. Margun Underhaug, f. 21-12 1947.
3. Lars Underhaug, f. 30-1 1950.

123. Jens Mellemstrand, frisør (Høyland 165. 8.), fødd 21-11 1914, gift 3-8 1940 med Asa Vig, fødd i Klepp 23-4 1915, dotter til Asbjørn og Eline Vig. Bygde sitt eige hus, bnr. 23 på Bø-grunn i 1943. — Barn:

1. Aino Mellemstrand, f. 26-6 1943, gift 1967 m. Roland Bayerl, Vest Tyskland.
2. Aud Elise Mellemstrand, f. 12-7 1947.

124. Jon R. Opstad, kontorist (sjå 46. 9.), fødd 24-2 1913, gift 30-8 1936 med Kari Hobberstad, fødd i Varhaug 28-8 1913 (sjå Hobberstad 52. ?.). Bygde sitt eige hus på faren sin grunn, bnr. 27 av Bø, Dalane, i 1936. Barn:

1. Ragnar Opstad, f. 5-8 1938, gift 1960 med Torbjørg Ueland.
2. Sofie Opstad, f. 21-8 1945, gift med Erling Aanestad.

125. Ragnar Fitje, lærar (Lerbrek, Varh. 47. 13.). Fødd 15-2 1918, gift 1948 med Målfrid Skrettingland, fødd 30-5 1918 (Skrettingland 33. 7.). Ragnar Fitje er lærar i Nærbø. Dei bygde sitt eige hus, bnr. 28 av Bø-grunn, i 1951. Fitje har vore organist ved Nærbø kyrkja. Barn:

1. Reidun Fitje, f. 13-8 1944, gift 1968 med Egill Vigre.
2. Rannveig Fitje, f. 1-12 1945, gift 1966 med Leiv Roald Thu, Time.
3. Audny Fitje, f. 29-11 1948.

126. Torvald Gudmestad (sjå Bø 182.), kjøpte bnr. 29 på Bø-grunn, Nærbø, av Jon Jakobsen Vigre si dødsbu i 1955. Jon J. Vigre, hadde kjøpt huset av Olaus Bø. Torvald Gudmestad si enkje bur nå i huset.

127. Harald Svensen, sjåfør, fødd i Eigersund 12-6 1894, son til Adolf og Olava Svensen, gift 1915 med Hilda Henriksen, fødd i New York 28-7 1897, dotter til Rasmus og Hanna Henriksen (truleg frå Helvig). Harald Svensen var mange år sjåfør på Opstad, men var seinare drosje-sjåfør på Nærbø. I 1936 kjøpte dei bnr. 31, av Bø-grunn på Nærbø. Barn:

1. Agnes Svensen, f. 4-4 1918, gift med Øystein Kvía. Omkom ved krigsforlis.
2. Ruth Svensen, f. 3-3 1920, gift 26-3 1938 med Sven S. Motland (Motland 40.).
3. Maria Svensen, f. 13-5 1921, gift 20-7

1946 med Hans (Asbjørnson) Vik i Klepp.

4. Hilma Svensen, f. 2-5 1923, gift 7-9 1946 med Oddvin Nygård, f. i Oagna 16-4 1921.
5. Henny Svensen, f. 26-6 1924.

128. Ivar G. Lode, snekker, (Lode 83. 2.), fødd 27-4 1912, gift 12-11 1938 med Nora Maria Gausland, fødd 23-10 1910 (Gausland 37. 11.). Han kjøpte bnr. 38 av Bø av Per Njølstad i 1938. Barn:

1. Edith Lode, f. 9-9 1939, gift 1961 med Anders Sigve Risa (109. 1.).
2. Gaute, f. 26-11 1941, gift 1968 med Jonny Bekkeheien.
3. Ingebret Lode, f. 29-7 1943, gift 1968 med Torfrid Fosse Grødem, Time.
4. Kari Joveig Lode, f. 11-4 1948, gift 1968 med Kjell Magnus Matingsdal, Oagna.
5. Ingulf Nodmann Lode, f. 11-1 1953.

129. Ragnvald Sør Reime, sjåfør (sjå Sør Reime 42. 5.). Fødd 27-2 1909, død 16-9 1966, gift 11-3 1950 med Anna Flåt.

130. Arne Vigre (Vigre 61. 1.), fødd 7-12 1906, død 21-5 1942, skoten av tyskarane på Trandum, gift 2-4 1940 med Magda Aanestad, fødd 24-4 1910 (Aanestad, Varh. 103. 8.). Enkja tok over bnr. 48 av Nærbø etter foreldra som hadde kjøpt huset i 1928. — 2 barn:

1. Sigrud Vigre, f. 11-3 1941.
2. Edith Vigre, f. 8-3 1942, gift 5-8 1961 med Egil Jan Søyland, Nærbø, f. 11-3 1940 (Søyland 64. 1.).

131. Hans E. Haugland, fødd i Time 29-9 1904, son til Enevald og Gina Haugland, gift med Klara Primstad, fødd i Varhaug 4-7 1910 (sjå Primstad 16. 7.). Dei kjøpte bnr. 104 på Bø-grunn av Tomine Primstad i 1948. Hans Johan Primstad hadde kjøpt dette huset av Olava Søyland i 1938. Hans og Klara Haugland sine barn:

1. Gudbjørg Haugland, f. 1-3 1937, gift med Terje Ueland, Varhaug.
2. Egil Haugland, f. 25-11 1938, gift 1967 med Venke Lillefjære, Skien.
3. Torun Haugland, f. 17-4 1943.
4. Kari Haugland, f. 19-7 1946, gift 24-9 1966 med Terje Sørståg, Bergen.
5. Tilla Maria Haugland, f. 10-1 1948, gift 1967 m. Olav Skjelbreid, Høyland.
6. Håvar Haugland, f. 16-6 1952.

132. Jon Larsen, bakar (sjå 74. 3.), fødd 8-6 1919, gift 1943 med Tordis Rasmusdtr. Moi, fødd i Lund 10-7 1919. Bygde eige

hus, bnr. 134 på Bø-gmnn, i 1951. Barn:

1. Turid Irene Larsen, f. 9-3 1945, gift 27-4 1963 med Per Dalen, f. i Varhaug 31-3 1944.
2. Lars Gaute Larsen, f. 7-2 1947.

133. Gabriel Lende, lækjar, fødd på Torland 8-8 1896 (sjå 77. 4.). Gift i Kina 31-12 1939 med Dagmar Andersen, fødd i Oslo 28-6 1912, dotter til Nils Severin Andersen og kona Olga Christine. Gabriel Lende tok medisinsk embetseksamen i 1927, praktiserte som lækjar i Sandnes 1928/29. I 1929 reiste han til Kina, der han praktiserte ved Dr. Frøylands Memorial Hospital til 1936, då han reiste til Noreg. 1937/38 hadde han vikarpost som lækjar på Bryne. Reiste tilbake til Kina i 1938, der han heldt fram ved Dr. Frøylands Memorial Hospital. I 1946 kom han til Noreg att, og praktiserte som lækjar på Nærbø til 1948. I 1948 reiste han med huslyden sin til Etiopia, der han praktiserte til 1952, då han atter kom til Noreg og tok opp praksisen på Nærbø. Lækjarbustaden er på Urheio på Motland-grunn, bygt i 1924. Dagmar og Gabriel Lende h. 5 b&rn¹

1. Georg Lende, f. 31-10 1940, gift 1963 med Ida Marie Dagmar Karlsen, Oslo, tannlækjar i Oslo.
2. Sigmund Lende, f. 1-8 1942, stud.med.
3. Irene Lende, f. 30-12 1943, sjukesyster.
4. Kjellaug Lende, f. 20-8 1945, sjukesyster.
5. Dagmar Lende, f. 22-11 1946, student.

134. Ingolf Gunerius Hansen, lærar, fødd i Haugesund 2-10 1889, son til kjøpmann i Haugesund Hans Mandius Hansen frå Eltervåg og kona Thea Elisabet, f. Vatland i Skjold. Gift 1922 med Kristine Nordby, fødd i Nittedal 7-10 1892, død 28-12 1964, dotter til bonde og landhandler Johan Nordby og kona Nikoline på Grorud. I. G. Hansen reiste som ung til Amerika, der han dreiv med ymse arbeid frå farm og anleggsarbeid til lærar og bladarbeid. Var visst ei tid sekretær i Nordmandsforbundet. I Amerika gav han og ut ei diktsamling. Då han kom heim til Noreg, tok han lærarskuleeksamen, og i 1924 fekk han sin første og einaste lærarpost som framhaldskule-lærar i Nærbø. Han slutta som lærar i 1957. — Utanom skulearbeidet har I. G. Hansen vore nytta i stor mon som høvetalar, især i religiøs leid. I. G. Hansen er ein entusiastisk bibliofil, og han har bygt opp ei av dei mest sjeldsynte boksamlingane i landet i privat eiga. Han dreiv og som

agent i livstrygding og annor trygding. I 1932 bygde han sitt eige hus på Urheio, bnr. 13, på Motland-grunn. Dei har 2 barn:

1. Elisabeth Margrete (Eli) Hansen, f. 12-12 1928, gift 31-12 1950 med lækjar Dagfinn Skatvedt, f. i Sigdal 22-6 1926. Lækjar i Klepp.
2. Kirsten Hansen, f. 28-3 1931.

135. Helga Edland, jordmor (Bø 126. 11.), fødd 15-8 1904. Ho bygde sitt eige hus på Urheia, "Buet" bnr. 44, i 1949.

136. Gabriel Martinius Ueland, anleggsarbeidar (Ueland 76. 8.), fødd i Varhaug 20-4 1898, gift 11-6 1939 med Jenny Elfrida Maudal, fødd i Bjerkreim 2-3 1911, dotter til Syvert Olson Maudal og kona, f. Jensen, Hersvik i Sulen. Dei bygde eige hus på Urheia, bnr. 30, i 1949. Barn:

1. Gerd Maria Ueland, f. 1-8 1939, gift 23-5 1964 med Svein Lunde, Hundvåg.
2. Liv Ueland, f. 8-9 1940, gift med Truls Jensen, Oslo.
3. Marit Ueland, f. 2-9 1945, gift 23-6 1962 med Ole Njærheim (Haa 20.).
4. Solveig Ueland, f. 18-6 1950.
5. Gunvor Johanne Ueland, f. 15-5 1952.

137. Peder T. Kvia, snekker, (Kvia 71. 9.), fødd 20-3 1920, gift 27-8 1944 med Karen Synøve Midflø, fødd i Sunnmøre 22-10 1917, dotter til Lars og Oline Midflø. Bygde sitt eige hus på Urheia i 1946, bnr. 29. Barn:

1. Dina Margreta Kvia, f. 17-3 1947, gift 1966 med Asbjørn Ege.
2. Kirsti Synnøve, f. 26-11 1956.

138. Eskild Lode, sjåfør (sjå Lode 79. 4.), fødd 18-9 1913, gift 9-10 1940 med Maria Mossige, fødd 27-7 1919 (81. 1.). Bygde sitt eige hus, bnr. 31, på Urheia i 1948. Barn:

1. Marit Lode, f. 30-11 1940.
2. Egil Lode, f. 17-1 1943, gift med Gunbjørg Kvia, Nærbø (194. 8.).
3. Anne Marie Lode, f. 3-2 1950.

139. Georg Risa, entreprenørfirma Brødrene Risa (Kvia 56. 10.), f. 28-12 1915, gift 29-10 1949 med Gerd Sandmark, fødd i Heskestad 17-12 1921. Driv entreprenørforretning saman med brørne Tobias og Håkon Risa. Bygde bustadhus, bnr. 33, på Urheia i 1949, bygde seinare mekanisk verkstad same stad. Broren Håkon Olaus Risa bygde seinare sitt eige bustadhus same stad.

140. Oddmund Obrestad, bygningsmann (sjå Obrestad 40. 9.), fødd 15-7 1916, gift 19-5 1945 med Hjørdis Aadnesen, fødd 8- 5 1920 (53. 5.). Bygde sitt eige hus, bnr. 34, på Urheia i 1950. Barn:

1. Asta Olene Obrestad, f. 1-6 1948.
2. Johne Obrestad, f. 28-3 1952.

141. Vilhelm Risa, snekker (Risa 102. 6.), fødd 9-5 1917, gift 2-8 1947 med Signe O. Høyland, fødd i Nærbø 21-1 1926 (sjå Høyland 192. 5.). Bygde sitt eige hus, bnr. 47, på Urheia i 1948. — Barn:
Arvid Morten Risa, f. 19-5 1947.

142. Ingebret Ueland, oppmålingsjef (sjå Motland 32. 2.), fødd 4-12 1901, gift 20-4 1929 med Serina Nærland Torland, fødd 9- 8 1905 (sjå Torland 81. 1.). Bygde sitt eige hus, bnr. 11, på faren sin grunn på Urheia i 1930. Barn:

1. Ingvar Ueland, f. 11-6 1929, gift 1959 med Sigrunn Lovise Hogstad, f. i Høyland 24-11 1934.
2. Marit Ueland, f. 30-12 1930, gift 1952 med Leif Refsnes, f. 18-8 1930 (sjå Refsnes 10 14.).
3. Møyfrid Ueland, f. 17-2 1933, gift 1956 med John Efstestad, f. i Varhaug 18-9 1929.
4. Torunn Ueland, f. 12-12 1936, gift 3-12 1958 med Torbjørn Tunheim, f. i Time 8-5 1935.

143. Magnus Opstad, slaktar (Opstad 80. 8. og Motland 35.). Han tok over slaktarforretninga etter farbroen Rasmus L. Opstad (17.), bnr. 9, i 1929. — Barn:

1. Mikkel Opstad (144.).
2. Ragna.
3. Berit.

144. Mikkel Opstad, son til 143., tok over slaktarforretninga, — og bygde sitt eige bustad- og handelshus same stad. Han er fødd 1927, gift 7-7 1951 med Torbjørg T. Nærland, fødd i Klepp 19-5 1930.

145. Olav R. Moi, vukanisør og handelsmann, fødd i Bjerkreim 8-7 1920, son til Retsius og Videa Moi, gift 1943 med Anna Reime, fødd 13-10 1923 (Skjærpe 51. 4.). Han bygde eige kombinert bustadhus, handelshus og verkstad, bnr. 28, i Urheibrotet i 1950. Barn:

1. Reidar Moi, f. 22-4 1944.
2. Ragnar Moi, f. 11-11 1946.
3. Odd Moi, f. 16-12 1947.
4. Arvid Moi, f. 6-6 1951.
5. Valdis Moi, f. 8-6 1955.
6. Arild Moi, f. 20-5 1960.
7. Harald Moi, f. 25-2 1964.

146. Inge Stokkeland, snekker, er døypt Ingebret, fødd i Ogna 9-12 1900, son til Lars og Kirsten Stokkeland, gift 1927 med Astrid Dubland, fødd i Varhaug 2-5 1902 (sjå Bratland 39. 8.). Snekker hjå Jonas Brekken og Knut Arrestad. Bygde eige hus, bnr. 25, på Urheia i 1949. Barn:

1. Kitty Stokkeland, f. 18-4 1928, gift 1949 med Thor Skeie, Orre.
 2. Leif Stokkeland, f. 21-7 1929, gift 1957 med Berit Heien, Ogna.
 3. Oddvar Stokkeland, f. 12-6 1937, gift 1963 med Kirsten Aasland, Bryne.
- 147. Anton Torland**, fengselstenar på Opstad (sjå Torland 87. 2.), fødd 28-10 1918, gift 17-8 1946 med Herborg Fitje, fødd i Varhaug 7-11 1919 (sjå Lerbrek, Varh. 47. 14.). Dei kjøpte bnr. 40 på Urheia av Jonas Ueland i 1953. Barn:

1. Torbjørn Torland, f. 8-7 1948.
2. Asle Torland, f. 22-4 1952.

148. Kåre T. Torland, snekker (Torland 87. 4.), fødd 8-12 1922, gift 1952 med Astrid Kjærø, fødd 24-3 1932, dotter til Torvald og Teresie Kjærø. Bygde eige hus, bnr. 70, i 1951. — Barn:
Tørner Torland, f. 12-11 1953.

149. Ole Fossen, jernbanemann, fødd i Jostedal 23-5 1882, gift 1911 med Ragna Seip, fødd i Ringebu 2-1 1887. Han kjøpte bnr. 71 på Urheia i 1953. Barn:

1. Olga Fossen, f. 5-7 1913.
2. Anna Fossen, f. 15-12 1920.
3. John Fossen, f. 25-7 1918.
4. Klaus Fossen, f. 22-10 1923.

150. Elisabet Ueland (sjå Motland 32. 4.), fødd 18-11 1909. Ho tok over bnr. 39 på Urheia etter faren i 1949.

151. Trygve Skåland, snekker, f. i Lund 2-5 1914, son til Asmund og Oline Skåland, gift 1945 med Edith Helene Arrestad, fødd i Sandnes 21-4 1923 (Nærbø 87. 2.). Dei bygde eige hus, bnr. 54, på Urheia i 1949. Barn:

1. Asbjørn Skåland, f. 7-7 1947.
2. Knut Skåland, f. 9-3 1949.
3. Oddveig Skåland, f. 25-4 1952.
4. Helene Skåland, f. 13-8 1953.

152. Adolf Tunem (sjå Håland Store 38.), kjøpte bnr. 8 på Urheia. — Han er ved Nærbø Meieri.

153. Kristina og Regina Bø (sjå Bø 132. 1. og 4.). Mor deira bygde hus, bnr. 5, på Urheia i 1908, der dei 2 sysstrar sidan har butt. Dei er ugifte.

155. **Klaus** Ødegård, smed, f. i Varhaug 12-2 1919, son til Sven Olson og Anna Berteia Klausdtr. Ødegård, gift 1942 med Hanna Oma, fødd i Time 29-6 1917, dotter til Henrik og Olda Oma. Bygde eige hus, bnr. 9, i 1950. Barn:

1. Sven Kåre Ødegård, f. 28-1 1947.
2. Odd Harald Ødegård, f. 20-10 1949.

156. **Margreta Skretting** (sjå Kvia 71. 2.), fødd 7-8 1902, gift 23-6 1928 med Magnus Hansson Skretting, fødd 3-10 1899, død 27-9 1945 (sjå Skretting, Varh. 111. 11.). Ho bygde bnr. 35 på Urheia i 1951. Barn:

1. Hans Skretting, f. 11-5 1929, gift med Astrid Nygård, dotter til Andreas Nygard i Varhaug.
2. Gunvor Skretting, f. 25-3 1932, gift 1950 med Ragnar Kristian Andreassen.
3. Dagfrid Skretting, f. 27-2 1934.
4. Tobias Skretting, fødd 18-4 1936 (sjå Njærheim 178.).
5. Kåre Magnar Skretting, f. 15-3 1938.
6. Gaute Skretting, f. 1-2 1942, gift med Ingunn Gausland (40. 4.).

157. **Karl Johan Bø** (sjå Bø 187), kjøpte bnr. 24 på Urheia i 1951 av Torvald Gudmestad og Arne O. Njærheim.

158. **Reidar Salte**, bussjåfør, fødd i Odda 26-12 1928, son (adoptivson) til Torgny og Ragnhild Salte (sjå Høyland 161. 4.), gift 1949 med Elen Henriksen, fødd Helvig i Eigersund 30-8 1927, dotter til Olaf og Hilda Henriksen. Han bygde eige hus, bnr. 6, i Urheibrotet i 1952. Barn:

1. Tor Salte, f. 7-4 1950.
2. Ruth Salte, f. 21-5 1953.

159. **Trygve Djøseland**, sjåfør (sjå Djøseland, Varh. 56. 2.), fødd 3-1 1907, gift 4-3 1950 med Mary Lode, fødd 6-6 1920 (sjå Lode 85. 1.). Bygde eige hus, bnr. 45, på Klokkargarden i 1951. Barn:

1. Oddstein Djøseland, f. 4-7 1950.
2. Gerd Marie Djøseland, f. 4-7 1951.

160. **Martin Enoksen**, fengseltenar, fødd i Sola 31-12 1916, son til Enok og Mathilde Enoksen i Sola, gift 1943 med Agnes Håland, fødd i Hetland 8-10 1917, dotter til Ådne Håland og kona. Dei bygde eige hus, bnr. 56, på Motland-grunn i 1952. Barn:

1. Eystein Enoksen, f. 29-11 1944.
2. Åge Enoksen, f. 18-5 1946.
3. Liv Marit Enoksen, f. 1-1 1952.
4. Ame Mikal Enoksen, f. 3-12 1953.

161. **Ingolv Øksnevad**, kontorfullmektig,

fødd i Klepp 10-4 1921, son til Karl og Gudrun Øksnevad, gift 1945 med Jofrid Gudmestad, fødd 16-12 1923, dotter til Ole og Astrid Gudmestad (sjå der 47. 4.). Dei bygde eige hus, bnr. 66 og 67, på Motland-grunn i 1953. Barn:

1. Gerd Øksnevad, f. 11-5 1945.
2. Aud Synnøve Øksnevad, f. 13-10 1948.
3. Kari Øksnevad, f. 5-8 1953.

162. Endre Viste, fengseltenar (sjå Bjorhaug), fødd i Randaberg 3-5 1916, gift 1946 med Solveig Hoff, fødd i Stavanger 27-12 1916, dotter til Samuel F. Hoff og kona. Bygde eige hus, bnr. 69, på Motland-grunn i 1952.

163. Torsten Tobias H. Obrestad, disponent (77.). Han bygde bustadhus, bnr. 48, på Motland-grunn i 1950.

164. Olav Hognestad, fenseltener (Motland 27. 5.), fødd 11-6 1902, gift 1935 med Helene Hortemo, fødd i Høvang 21-11 1903, dotter til Edvard og Torborg Høvang. Dei bygde eige hus, bnr. 20, på Motland-grunn i 1950. Barn:

1. Åsa Hognestad, f. 31-1 1938, gift 15-7 1961 med Helge Karlsen, (Troms?).
2. Håvard Hognestad, f. 7-2 1944.

165. Kristian E. Risa, snekker (sjå Risa 105. 1.), fødd 25-5 1920, gift 15-7 1950 med Astrid Søyland, fødd 24-1 1921 (sjå Søyland 53. 1.). Bygde eige hus på Urheia. — Barn:

Tor-Einar Risa, f. 15-3 1953.

166. Ingolv Aanestad, handelsmann (sjå Ånestad, Varh. 102. 5.), fødd i Varhaug 22-9 1910, gift 1946 med Justi Reime, fødd 6-10 1920 (sjå Skjærpe 51. 2.). Dei bygde kombinert bustad- og handelshus i Urheibrotet. 2 adoptivbarn.

167. Rasmus Bjorheim, fengseltenar (sjå Bjorheim, Varh. 28. 4.), fødd 4-10 1892, gift 17-8 1917 med Johanna Jonsdotter Husveg, fødd 10-7 1899 (Husveg 46. 1.). Bygde på Urheia. — Bam:

1. Maria Bjorheim, f. 21-1 1918, gift 1945 m. konstabel Arne Arnesen (frå Tønsberg?).
2. Klara Bjorheim, f. 21-9 1920, gift 6-7 1941 med Olaf Brandt Reitan, dreiv ei tid handel på Nærbø.
3. Ingeborg Bjorheim, f. 18-1 1922, gift med Birger Brensrud, Asker.
4. Gabriel Bjorheim, f. 20-4 1924, gift med Noron Bø, Stavanger.

168. Ingolf Lode (Lode 83. 4.), verkstad-eigar, firmanamn Reime & Lode (sjå 198.). Fødd 3-4 1917, gift 5-10 1946 med Margreta Øglænd, fødd på Bryne 25-3 1921, dotter til Albret og Margreta Øglænd. Dei kjøpte hus på Urheia av Motland av Ivar I. Ueland i 1949, som hadde bygt det på faren sin grunn i 1936. Barn:

1. Eva Lode, f. 30-11 1947.
2. Aud Marit Lode, f. 27-5 1950.
3. Karin Lode, f. 1-4 1953.

169. Jon J. Obrestad, byggmeister (sjå Obrestad 36. 7.), fødd 29-2 1884 (sjå Skjærpe 60.).

170. Tilla Haugland, Karen Haugland og Magnhild Bjorland (sjå om dei nr. 18). Dei tok over bnr. 29 på Skjærpe-grunn etter faren, dette selde dei til Tønnes S. Lode (107.), i 1945, og same året bygde dei bnr. 62 på same stad. Dei har alle vore knytte til telefonen. Magnhild gift 1928 med Gabriel Bjorland, fødd 31-10 1901, død 1931 (sjå Bjorland 29. 3.). Han var elektrikar. — Barn:

1. Bjarne Bjorland, f. 1929, d. 1949.
2. Gerd Marie Bjorland, f. 1931, gift 1955 med stud.real. Sigvard Fossen, Lysekloster.

171. Trygve S. Høyland, målar (Høyland 163. 4.), f. 17-5 1908, gift 10-8 1941 med Astrid Beathe Anestad, fødd i Stavanger 13-3 1910, dotter til Lars og Ragnhild Anestad (Anestad, Varh. 99. 5.). Trygve Høyland kjøpte bnr. 14 på Nærbø i 1946, truleg av jordmor Maren Øglænd. Barn:

1. Olaus Høyland, f. 16-5 1942.
2. Reidun Høyland, f. 24-7 1944, gift 1967 med Geir Arnulf Svåsand, Bergen.
3. Svein Høyland, f. 14-5 1947.
4. Tor Arvid Høyland, f. 27-9 1950.

172. Gerd Haugland, f. i Time 13-2 1911, og Margit Haugland, fødd i Time 13-12 1914, kafeverter, døtre til Johannes og Maren Sofia Haugland. Dei kjøpte bnr. 29 av Nærbø i 1955.

173. Guttorm Gudmestad, fjosmeister på Opstad (sjå Gudmestad 48. 8.), fødd 2-5 1902, død 18-9 1961, gift 18-7 1936 med Karen Underhaug, fødd 20-12 1903 (sjå 49. 3.). Dei kjøpte bnr. 32 og 47 på Nærbø av F. A. Underhaugs Fabrik i 1958. Det var Ole Tønnesen Håland (Bø 146.) som hadde bygt dette huset i 1914, og sidan selt til F. A. Underhaugs Fabrik. I 1964 selde Karen Gudmestad til Torgny Salte

og bygde nytt hus på Urheia. Dei hadde 4 barn:

1. Grete Gudmestad, f. 16-3 1937, gift 1957 med Gunnar Solheim, f. i Ogna 28-9 1937.
2. Ola Gudmestad, f. 26-5 1938, gift 1962 med Gunvor Aasa Karlsen, f. på Foss-Eikeland i Høyland 26-4 1937, dotter til Jakob Davidson Karlsen og kona Malena Stokkeland. Bonde på Hodne, Rennesøy.
3. Finn Gudmestad, f. 21-12 1942.
4. Marta Gudmestad, f. 3-2 1945.

174. Tønnes Salte, fødd i Klepp 12-4 1914, son til Lars Svenson Salte og kona Alette Johannes Nilsdtr., f. Salte, gift 1940 med Anna Hetland, fødd i Varhaug 4-1 1911, dotter til Jonas J. Hetland, Vigrestad og kona Taletta, f. Odland. Bygde hus, bnr. 102 på Bø-grunn i 1952. Barn:

1. Anne Lovise Salte, f. 31-10 1940, gift med Elling Sigveland, Vigrestad.
2. Jonas Salte, f. 3-7 1942, gift med Gerd Vintland, Lyngdal.
3. Tora Sofia Salte, f. 5-4 1947.

175. Karen Elisa Johannessen, fødd Lode 30-11 1917 (Lode 81. 2.), gift 1939 med Jostein Johannessen, f. i Klepp 18-5 1914, skoten av tyskarane. Enkja kjøpte bnr. 14 på Bjorhaug-grunn i 1950 av farbroren Bertinius S. Lode, som hadde bygt det i 1921. Barn:

1. Gunleiv Johannessen.
2. Dagny Johannessen.

176. Maria og Gustava Møller og Margit Sagevik (Bjorhaug 18.), bygde hus bnr. 15 på faren sin grunn i 1928.

177. Sverre og Arne Søyland (Søyland 50. 6. og 10.) bygde hus, bnr. 9 (?) på Bjorhaug-grunn i 1950. Sverre gift 21-8 1948 med Aslaug Sofie Storstrand, f. på Stord 22-4 1929, dotter til Lars og Anna Storstrand. Deira barn:

1. Aud Søyland, f. 29-12 1948.
2. Leif Egil Søyland, f. 24-5 1951.
3. Synnøve Søyland, f. 15-9 1953.

178. Alf Roxman, bakar, gift med Serina Anda (sjå 59. 2.), bygde hus, bnr. 18 på Bjorhaug-grunn i 1939.

179. Ole Grødeland, snekker (Grødeland 26. 3.), f. 20-9 1917. Bygde kombinert bustadhus og verkstad på Bjorhaug-grunn, bnr. 27, i 1947. — Selde seinare til Knut Sirevåg og flutte til Varhaug.

180. Magnus Fuglestad, bygningsmann, fødd i Ogna 28-5 1924, son til Martin og Karen Alette Fuglestad, gift 1947 m. Malena Egren, fødd i Time 22-7 1924, dotter til Lars Sivertson Egren frå Ogna og kona Malena Kristofersdtr., f. Varen. — Bygde hus, bnr. 29, på Bjorhaug-grunn i 1951. Barn:

1. Karl Marton Fuglestad, f. 10-3 1948.
2. Leiv Fuglestad, f. 30-8 1950.
3. Astrid Fuglestad, f. 11-1 1952.

181. Trygve T. Kvía (sjå Vigre 68. 5.), fødd 5-1 1924, gift 10-9 1949 med Ranveig Nærland, f. 21-11 1925 (Nærland 58. 4.). Bygde eige hus, bnr. 31, på Bjorhaug-grunn i 1952. Barn:

Torbjørn Kvía, f. 28-4 1952.

182. Tor Høyland, stasjonsbetjent (sjå 54. 4.), fødd 21-3 1922, gift 7-8 1948 med Aase Refsnes, fødd 16-6 1928 (Refsnes 10. 12.). Bygde eige hus, bnr. 32, på Bjorhaug-grunn i 1952. Barn:

1. Terje Høyland, f. 3-9 1949.
2. Jørn Høyland, f. 30-5 1953.

183. Helge H. Bø, jernbanefullmektig (sjå 51. 4.), fødd 2-12 1911, gift med Gunhild Hadland, fødd i Ogna 10-5 1909. Bygde eige hus, bnr. 33, på Bjorhaug-grunn i 1952. Seinare flutt til Brusand som stasjonsmeister. Er nå stasjonsmeister på Varhaug.

184. Bjarne Langeland, stasjonsbetjent, f. i Time 7-6 1926, son til Ingolf og Serine Langeland, gift 16-12 1944 med Tordis Gudmestad, fødd 5-12 1926 (Gudmestad 63. 3.). Bygde eige hus, bnr. 35, på Bjorhaug-grunn i 1953. — Barn:

1. Svanhild Langeland, f. 8-6 1945.
2. Inge Langeland, f. 25-1 1952.

185. Ommund Braut, sjåfør, fødd i Klepp 20-11 1917, — son til Ludvig og Karen Kleppe, gift med Ellfrid Tjelta, fødd i Sola 9-5 1915, dotter til Nils og Elen Maria Tjelta. Bygde eige hus, bnr. 36, på Bjorhaug-grunn i 1951. Barn:

1. Odd Braut, f. 29-6 1939.
2. Liv Braut, f. 18-8 1944.

186. Arne Sægrov, stasjonsformann, fødd i Heskestad 13-9 1900, son til Knut og Ingeborg Sægrov, gift 1927 med Ruth Egenes, fødd i Flekkefjord 27-6 1905, dotter til Sivert og Oline Egenes. Bygde eige hus, bnr. 37, på Bjorhaug-grunn i 1953.

187. Odd Torland, vegvaktar (sjå Torland 92. 4.), fødd 24-2 1921, gift 1947 med Margreta Haugland, fødd i Time 1-2 1924. Han bygde eige hus, bnr. 38, på Bjorhaug-grunn i 1952.

188. Kastrup Reime, murar og feiarmeister (sjå Ødemotland 18. 7.), fødd 12-3 1901, gift 24-1 1931 med Lotte Tjåland Lode, fødd 20-9 1898 (sjå Lode 73. 6.). Bygde eige hus, bnr. 39, på Bjorhaug-grunn i 1952. Barn:

1. Jostein Reime, f. 24-12 1931, gift med Sigrun Skoglund.
2. Tordis Maria Reime, f. 6-5 1939, gift 1-4 1961 med Leif Ødegård, Oslo.

189. Leif Hansen, sekretær, fødd i Nærbo 31-8 1920, son til Torvald August Hansen på Opstad og kona Marta Constanse Emilie, f. Gundersen. Bygde eige hus, bnr. 42, på Bjorhaug-grunn i 1952. Barn:

1. Thor Hansen, f. 16-6 1950.
2. Ragnhild Hansen, f. 2-11 1953.

190. Harald Gimre, sjåfør, fødd i Hetland 17-8 1915, son til Martin og Mine Gimre, gift 12-4 1947 med Johanna Voll, fødd i Varhaug 25-5 1925, dotter til Ole Gundersen Voll og kona Maria, fødd Hovland i Eigersund (sjå Voll 114. 1.). Dei bygde eige hus, bnr. 43, på Bjorhaug-grunn i 1953. Barn:

1. Martin Gimre, f. 9-9 1948.
2. Olav Gimre, f. 1-10 1950.
3. Marianne Gimre, f. 28-8 1952.

191. Torbjørn Undheim, lagerformann, f. i Nærbo 17-9 1921 (sjå 69. 2.), gift med Randi Larsen, fødd i Nordreisa 13-6 1922, dotter til Isak og Marie Larsen. Bygde eige hus, bnr. 44, på Bjorhaug-grunn i 1952. Barn:

Svein Inge Undheim, f. 28-11 1952.

192. Ottar Salte, anleggsarbeidar, fødd i Time 5-9 1918, son til Martin og Maria Salte, gift med Helena Høyland, fødd i Nærbo 31-7 1919 (sjå Høyland 169. 9.). Bygde eige hus, bnr. 45, på Bjorhaug-grunn i 1952. Barn:

1. Gerd Marie Salte, f. 5-5 1939.
2. Ragnar Salte, f. 18-3 1942.
3. Oddveig Salte, f. 6-4 1944.
4. Odd Helge Salte, f. 2-11 1951.

193. Eivind Nærland, fiskar (sjå Nærland 52. 4.), fødd 8-10 1906, gift 1933 med Alfrida Rønneseth, fødd i Stavanger 20-1 1904, dotter til Hans Rønneseth og kona Hanna Kristine, f. Njærheim (Njærheim

114. 10.). Bygde eige hus, bnr. 46, på Bjorhaug-grunn i 1953. Barn:

1. Anne Marie Nærland, f. 7-8 1934.
2. Ester Nærland, f. 15-4 1936.
3. Harald Nærland, f. 28-12 1938.
4. Egil Nærland, f. 20-8 1940.
5. Rolf Nærland, f. 22-4 1943.

194. **Harald Kvia**, smed (sjå Kvia 72. 12.), fødd 20-4 1926, gift 24-11 1945 med Berit Øvrebø, fødd i Dirdal 6-4 1927, dotter til Ingebret og Malli Øvrebø. — Bygde eige hus, bnr. 47, på Bjorhaug-grunn i 1951. Barn:

1. Ola Kvia, f. 6-2 1946, gift 1968 med Kirsten Løyning, Klepp.
2. Gunbjørg Kvia, f. 12-12 1947, gift 1968 med Egil Lode (Nærbø 138. 2.).
3. Inge Kvia, f. 14-11 1952.

195. **Kaspar Hofland**, fengseltenar, fødd i Bergen 12-2 1903, død 3-1 1965, son til Abraham og Anne Hofland, gift 1938 med Marie Haugland, fødd i Time 29-10 1908, dotter til Isak og Grete Marie Haugland. Bygde eige hus, bnr. 48, på Bjorhaug-grunn i 1953. Barn:

1. Anne Marie Hofland, f. 25-6 1939.
2. Kjell Hofland, f. 11-6 1942.
3. Marit Hofland, f. 11-6 1942.

196. **Olav Larsen**, smed (Skjærpe 43. 10.), fødd 17-9 1912, gift 5-2 1938 med Petra Agathe Aadnesen, fødd i Stavanger 3-1 1914 (sjå 53. 2.). Bygde eige hus, bnr. 49, på Bjorhaug-grunn i 1953. Barn:

1. Aud Berit Larsen, f. 6-8 1938, gift 21-9 1957 med Albert A. Nærland (Nærland 58. 5.).
2. Lars Larsen, f. 19-12 1941, gift 1963 med Solveig Mæland, Klepp.
3. Lidvin Larsen, f. 4-4 1944.
4. Aslaug Larsen, f. 8-1 1946.
5. Sigrun Larsen, f. 14-9 1951.
6. Gudmund Larsen, f. 2-8 1953.

197. **Ivar M. Lode**, sjåfør (sjå Lode 84. 3.J, fødd 11-6 1913, gift 28-8 1938 med Sigrid Kvia, fødd 1-12 1917 (Kvia 72. 8.). Bygde eige hus, bnr. 50, på Bjorhaug-grunn i 1953. Barn:

1. Magne Lode, f. 28-3 1939, gift 6-3 1965 med Sigrun Haugstad, Varhaug.
2. Ola Lode, f. 23-3 1940, gift 1964 med Irene Ree, Bryne.
3. Jofrid Lode, f. 22-6 1941, gift 14-5 1960 med Harald Bjorheim, f. 30-12 1937.
4. Reidun Lode, f. 12-7 1943, gift 3-3 1962 med Marthon Edland, fødd i Høyland.
5. Ingvar Lode, f. 15-9 1945.
6. Signe Lode, f. 15-2 1950.

198. **Norvald Reime**, bilreparatør, f. 27-6 1914 (Reime 59. 6.), gift 14-10 1944 med Olga Stemmen, fødd i Høgsvjord 29-11 1913, dotter til Johan og Olava Stemmen. Bygde bustadhus og verkstad, bnr. 60, på Bjorhaug-grunn i 1952. Firmanamn Reime & Lode (sjå 168.). — Barn:

1. Nikolai Reime, f. 1-9 1945.
2. Jan Reime, f. 19-4 1947.
3. Geir Olav Reime, f. 23-1 1949.

199. **Malena Ånestad** (sjå Ånestad, Varh. 96. 2.), fødd 27-4 1889, død 14-3 1967. Ho var styrar for Aldersheimen i Nærbø. I 1939 kjøpte ho hus, bnr. 100 på Bø-grunn av Håkon Serigstad. Ho var ugift.

200. **Toralv Are**, handelstyrar, f. i Bokn 26-11 1908, son til Mathias og Hanna Are. I 1952 vart han styrar for Nærbø Handelslag etter O. Nygård. Gift 1932 med Borghild Torland, fødd i Stavanger 2-2 1909, dotter til Peder og Helene Torland. Dei har 6 barn:

1. Berit Are, f. 9-9 1933, gift med Lars O. Obrestad.
2. Helga Are, f. 22-8 1935, gift 27-7 1957 med Torfinn Torland.
3. Liv Are, f. 2-4 1937, gift 6-8 1960 med lærar Leif Gaukås.
4. Alfhild Are, f. 14-4 1940, gift 30-6 1961 med Johannes Bustnes.
5. Tor-Bjørn Are, f. 20-12 1942.
6. Elbjørg Are, f. 18-6 1946.

201. **Gabriel Underhaug** (49. 5.), f. 14-11 1910, gift 1941 med Ingeborg Pedersdtr. Ueland, f. på Bryne 26-9 1914. Fabrikkeigar. Bur på Bjorhaug-grunn. — Ikkje barn.

G.nr. 23. Bjorland

Namnet har same tyding som Bjorhaug og kjem av bjar eller bøjar = bø, gard, by, inngjerding. Det er då truleg at Bjorland, like eins som Bjorhaug, er avleidd av Bø. Namnet uttalast lokalt Bjådlann. Denne garden hadde ei korn landskuld på 1 pund 3 spand i 1723 eller 27 spand. Då åtte Bø prestebol 7½ spand, Lye prestebol 5 spand, Svanenhielm 13 spand og Halvard Østvold 1½ spand.

Frå 1789 åtte oppsitjaren, Ola Monsson dei 14½ spand som Svanenhielm og Østvold hadde ått, og frå 1845 åtte oppsitjaren, Mons Olson, alt. Der var berre ein brukar til 1865, då garden vart skift millom brørne Peder, Rasmus og Lars Monsson.

Bjorland skifter i vest med Næsheim, mot nord ligg det til Haa-åno, og mot aust til Torland og mot sør skifter det med Bjorhaug. Garden er mest heilt flat med å-nesjar og myrland, men har og mykje turt heiland mot Næsheim og Bjorhaug.

NAMNEREGISTER

1. Orm Byuland
2. Mons Torgerson
3. Erik Monsson Bjorland
4. Mons Erikson
5. Mons Monsson
6. Lars Olson Holen
7. Gunnar Omundson Holen
8. Rasmus Jonson Holen
9. Ola Monsson Bjorland
10. Nils Nilsson Næsheim
11. Ola Olson Bø Grønholen
12. Jens Pederson Holen
- 13.
14. Ola Olson Næsheim Holen
15. Jon Olson Holen
16. Mons Olson Bjorland
17. Ola Monsson
18. Rasmus Monsson

19. Lars Monsson
20. Johannes Monsson
21. Maurits Nilsson Holen
22. Peder Monsson Bjorland
23. Andreas Eivindson Braut
24. Tolleiv Tolleivson Vashus
25. Anton Jonasson Vigrestad
26. Mandius Bjorland
27. Ivar Bjorland
28. Omund Høyland
29. Fredrik Bertinius Anenson
30. Kaspar Nikolai Krag
31. Kristian Ask
32. Jonas A. Bjorland
- 32B. Hans A. Bjorland
33. Peder Bjorland
34. Lars Bjorland (Næsheim)
35. Jonas M. Bjorland
36. Kristian I. Bjorland
37. Ivar I. Bjorland
38. Sigvald Krag
39. Trygve Øgreid

1. **Orm Byuland** — er nemnd 1602, 3 sp. leidang. Bialand i 1603, skatta 10 dl. Bialand i 1613, skatta 9 dl. — Han var truleg den same som Orm Jonson som er nemnd på Biorland i 1645 med kona og 2 gjenter og skatta 1 ort og 8 skilling. Me veit ikkje kven han var gift med, men det har vore gissa på at ho kunne vore dotter til lensmann Erik Torland. Me trur me veit om 5 **barn**:

1. Erik Ormson Nærland (Nærland 9.).
2. Eli, — gift med Isak Jonson Nærland (Nærland 8.).
3. Berit, gift med Mons Torgerson Bjorland (2.).
4. Guri.
5. Berit d. y., gift med Frants Olson Høyland (Høyland 14.).

2. **Mons Torgerson Opstad**, lagrettesmann 1655-58 (Opstad 11. 3.), var fødd kring

1585, skifte etter han 21-3 1670, gift med Berit Ormsdtr. Bjorland. Mons hadde nok brukt gard på Opstad før han tok over Bjorland etter Orm Jonson. I 1665 brukte han 14 sp. og sonen Erik brukte 13 sp. Mons og Berit hadde 5 barn:

1. Torger Monsson, gift med Malli Olsdtr. Budde på Haugstad i Varhaug (sjå der 16.).
2. Erik Monsson Bjorland, f. 1637 (3.).
3. Malena, gift med Torstein Ellingson Stavnheim i Varhaug (10.).
4. Marit, f. 1620, gift med Sven Ivarson Opstad (Opstad 18.).
5. Kristen Monsson Nese, f. 1624, gift med Guri Toresdtr. Braut. Budde på Nese i Klepp.

3. **Erik Monsson Bjorland** var fødd kring 1637, død 1694, skifte etter han 25-9 det året. Han var gift med Marit Bjørnsdtr. Hognestad, dotter til Bjørn Alvson Hognestad frå Risa (sjå Risa 6. 3.). Marit var truleg faster til Guri Toresdtr. som var gift med Erik sin bror Kristen Monsson Nese. Erik og Marit hadde 7 barn:

1. Mons Erikson Bjorland, f. 1666 (4.).
2. Erik Erikson Tjemsland, f. 1671 (Sør-Tjemsland 13.).
3. Berit Eriksdtr., gift 1) med Stig Olson Vigre, gift 2) med Einar Rasmusson Vigre (sjå Vigre 18. og 19.).
4. Ingeborg Eriksdtr., gift 1) med Hans Rasmusson Håland, gift 2) med Kristen Helgeson Håland (Låge Håland 6. og 7.).
5. Guri Eriksdtr., gift 1) med Ola Torgerson Haugland, — gift 2) med Jon Larsson Næsheim (sjå Næsheim 40.).
6. Lars Erikson er nemnd i 1694, men ikkje seinare.
7. Ivar Erikson Njærheim, f. 1689 (Njærheim 51.).

Erik Monsson selde 9 spand i Håland i Klepp til Mogens Håland i 1686?

4. **Mons Erikson Bjorland** var fødd kring 1666. Gift 1) med Lisbet Berntsdtr., som der var skifte etter 25-4 1709. Det er uvisst kvar ho var frå. Gift 2) med Berta Kristofersdotter Ognå, fødd kring 1690. Dei levde begge i 1758, og Mons var då 92 år gamal. Han brukte sjølv garden så seint som 1753. I 1712 selde Mons Bjorland 6 spand i Odland i Varhaug til pres-ten Ludvig Schultz, som Berta Kristofersdotter hadde arva etter far sin, Kristofer Ognå. Han hadde 4 barn i Iste gifte og 1 i andre:

1. Bernt Monsson Torland, f. 1702 (sjå Torland 30.).

2. Erik Monsson Tu, f. 1704, gift med Tala Eriksdtr. Sæland, Varhaug.
3. Kristen Monsson Skrettingland (sjå Skrettingland 11.).
4. Mons Monson, f. 1708, truleg d. ugift.
5. Mons Monson Bjorland, f. 1727 (5.).

5. **Mons Monsson Bjorland**, fødd kring 1727, død 1785, skifte 11-4 det året. Gift 1) med Berit Jonsdotter Njølstad, fødd kring 1737, død 1781 (sjå Njølstad 7. 1.), gift 2) 1782 med Margreta Hansdotter Obrestad, fødd kring 1752 (Obrestad 20. 2.). Ho vart seinare gift med Sven Jonson Reiestad i Varhaug (sjå der 26.). Mons Monsson kjøpte 13 spand av Elisabet Seehusen i 1750 og iy² spand av Johannes Nilsson Austvoll same dagen. Han hadde 6 barn i første gifte og 1 i andre:

1. Ola Monsson Bjorland, f. 1759 (sjå 9.).
2. Elisabet Monsdtr., f. 1762, d. 19-8 1813, ugift.
3. Mons Monsson, f. 1765 (sjå Bø 64.).
4. Jon Monsson, f. 1768, d. 1786, ugift, skifte 21-6 1787.
5. Elling Monsson Haugland, fødd 1773 (Haugland, Varhaug 23.).
6. Berta Monsdtr., f. 1776, gift med Ola Larsen Aniksdal i Varh. (sjå der 45.).
7. Hans Monsson, f. 1783, gift 13-6 1833 med Ingeborg Hansdtr. Budde på Sør-Varhaug (sjå der 73B.).

5B. Kari på Holen er nemnd som vitne i ei skifte-sak millom Lode og Næsheim i 1729. (Sjå Tingbok IV side 111 til 118.)

5C. Karsten Borlum er nemnd på Bjorland i 1735. Han var deikn. (Sjå om han i Tingbok V side 89 og 95.)

6. **Lars Olson Holen** var husmann på Bjorland i 1758. Det er uvisst kvar han var frå. Han var 60 år gamal og gift med Eldrid Jakobsdotter, 56 år gamal. Truleg var ho dotter til Jakob Olsson Sør-Varhaug og kona Ingeborg Asgautsdtr. (sjå Sør Varh. 30. 6.). Barn er ikkje nemnde.

7. **Gunnar Omundson Holen** hadde vore husmann på Holen under Bjorland etter Lars Olson. I 1762 byksla han Høneland under Ødemotland av Bendix Djurhuus. Kona heitte Maren Larsdtr. og var truleg frå Ytre Salte (sjå Ødemotland 9.).

8. **Rasmus Jonson Holen** byksla Holen av Mons Monsson og Niels Grøver i 1774. Han var son til Jon Rasmusson Sør-Braut frå Hobberstad og kona Søgna Larsdotter frå Horpestad i Klepp. Fødd kring 1740,

skifte 24-10 1785, gift med Maren Jonsdotter, som seinare vart gift med Nils Nilsson Næsheim og budde på Nedre Haugland i Time. Dei hadde 4 barn:

1. Jon Rasmusson, f. 1779, gift i Stavanger 31-7 1806 med Kirsten Isaksdr. Tjensvoll.
2. Anna, f. 1768, gift 1806 med Torkel Torkelson Næsheim (Næsheim 65.).
3. Søgni, f. 1770, gift 1802 med Knut Olson Grøtheim (Grøtheim 14.).
4. Sara, f. 1776, gift 2-6 1807 med Rasmus Rasmusson Høyland (Høyland 42..4.).

9. Ola Monsson Bjorland, son til 5., fødd kring 1759, død 5-6 1834, gift 1) med Ingeborg Torstensdr. Hobberstad, fødd 1762, død 26-2 1801, dotter til Torsten Erikson Hobberstad, lensmann, og kona Anna Torstensdr. (Hobberstad 33. 5.). Gift 2) 27-8 1818 med Ragnhild Ivarsdtr. Vigre, fødd kring 1763 (sjå Vigre 28. 5.). Ola Monsson kjøpte 14y2 spand av stykmora, Margreta Hansdotter og syskena sine i 1786 for 41 rdl. og byksla 5 spand av Lypepresten og 7y2 sp. av Haapresten i 1787. Han hadde 6 barn i første gifte:

1. Berta Olsdr., f. 27-4 1788, gift 23-10 1817 med Ole Johannes Olson Høyland (Høyland 70.).
2. Mons Olson Bjorland, fødd 18-4 1790 (16.).
3. Torstein Olson, f. 2-9 1792, d. 3-9 1794.
4. Torstein Olson, f. 27-12 1795. Reiste til Amerika med "Restorationen" i 1825. Han busette seg i Wisconsin i setlamentet Koshkonong. Gift med Guri Olsen. Dei hadde 7 barn:
 1. Ole, var sersjant i borgerkrigen, gift i 1882 med Ella E. Stewart.
 2. Ingeborg (Isabella eller Beile), gift med Steven Douglas Hotly.
 3. John, død ugift.
 4. Oline (Lena), gift med Ole Andreas Huff (Hove?).
 5. Morgan, — gift med Oline Maria Johnson.
 6. Ameer (Anne?).
 7. Jacob, f. 1862, gift med Harriet Rosetta (Etta) Robinson.
5. Anna Olsdr. Bjorland, f. 14-4 1797, gift med Jon Olson (15.).
6. Ingeborg Berte Olsdr., f. 23-2 1800, gift med Tjærand Tjærandson Haugstad (sjå Odland i Varhaug 47.).

10. Nils Nilsson Næsheim (Næsheim 69.) var gift med enkja etter Rasmus Jonson (8.), Maren Jonsdr. Nils byksla Holen av Ola Monsson i 1788. Det er uvisst kor lenge han budde der, men i 1801 var han

komen til Nedre Haugland i Time, der han var gift 2) i 1805 med Anna Helgesdr. Haugland. — Han flutte truleg til Haugland i 1795. Broren, Halvard Nilsson Næsheim, budde på Holen i 1792.

11. **Ola Olson Bø** (sjå Bø 47.), kom til Bjorland kring 1761. Han budde som husmann på Grønholen i 1801. Denne plassen var ikkje den same som Holen, for i 1801 budde Jens Pederson på Holen. — Kanskje Grønholen var det som seinare og nå heiter Heio? På første årsmøte sitt 29-1 1777 gav Stavanger Amts Landhusholdningsselskap husmannen Ole Olsen under Bjorland 4 Rdl. for eit husmannsplass som han "har begyndt at optage i gaardens udmark, derom sat et gierde 82 favne langt, og høstet af pladset afvigte aar een tønne byg og endeel jordæbler". Dette er altså ikkje det gamle plassen Holen, som hadde vore i bruk før 1758. Ola Olson døde på Grønholen 24-8 1808, og kona, Karen Kristensdotter, død 9-9 1809.

12. **Jens Pederson Holen** var son til Peder Olson Ueland i Varhaug og kona Malena Torstensdr. (sjå Ueland 29. 5.). Han var fødd kring 1770, gift 1. påskedag 1800 med Ranveig Olsdotter Herigstad, fødd kring 1776, dotter til Ola Omundson Herigstad i Varhaug og kona Inger Olsdr. (Herigstad 34. 3.). Jens var husmann på Holen i 1801, men i 1806 var han komen til Fosse i Time, der han sidan truleg vart buande. 3 barn var fødde på Holen:

1. Peder, var nok fødd på Herigstad 5-4 1801.
2. Malena, f. på Holen 1802, gift i Time 4-4 1864 med enkjem. Sven Bemtson Undheim.
3. Ola, f. 16-5 1804.
4. Jens, var fødd på Fosse 16-8 1806.
5. Inger, f. 10-6 1810, gift 25-11 1834 med Rasmus Olson Lende.
6. Hans, f. (1813?), gift 19-11 1839 med Inger Svensdr. Tunheim.

14. **Ola Olson Næsheim** (Høyland 71.), budde på Holen under Bjorland i 1812. Han var gift med Kirsten Olsdr. Bø i 1806, dotter til 11., og det er difor truleg at det var på Grønholen han budde. Eg torer ikkje ha noko mening om kor lenge han var på Bjorland. Seinare budde han på Høyland og sist på Næsheim.

15. **Jon Olson Holen** var visseleg bror til Ola Olson, 14. Han var f. på Høyland 21-6 1789, d. på Njærheim 23-11 1878,

gift 4-4 1820 med Anna Olsdr. Bjorland (9. 5.), f. 14-4 1797, d. 16-11 1880. Jon var hsmann på Holen frå 1820. I 1835 bytte han med Maurits Nilsson Njærheim og flutte til Njærheim. Dei hadde 3 barn fødde på Holen:

1. Ole Johannes, f. 25-2 1821 (Njærheim 104.).
2. Ingeborg, gift med Hans Nilsson Njærheim (Njærheim 110.).
3. Ingeborg Tobia, f. 30-4 1826, d. på Vigre 15-8 1906. Ho hadde ei dotter: Maria Tønnesdr., f. 22-4 1857, — gift med Peder Ivarson Vigre (Vigre 54.).
4. Ola Jonson Njærheim, fødd 2-9 1829 (Njærheim 122.).
5. Jonas, f. 24-4 1931.

16. Mons Olson Bjorland, son til 9., fødd 18-4 1790, død 11-4 1854, gift 1) 31-8 1817 med Taletta Pedersdr. (Aniksdal 42. 6.), f. 16-5 1790, d. på barnseng 1-3 1818, dotter til Peder Larsson Aniksdal i Varhaug og kona Sara Tolleivsdotter, gift 2) 17-6 1819 med Berta Rasmusdr. Bø, f. 21-7 1799, d. 4-12 1866 (Bø 66. 1.). Mons kjøpte 14y2 sp. av faren i 1814 for 83 rdl. og byksla 12y2 sp. av Kastrup i 1816. Desse 12y2 sp. fekk han kongeskjøte på i 1845 for 400 spd. Han hadde 8 barn i andre gifte:

1. Ola, 4-9 1820, d. 2-1 1895 (sjå 17.).
2. Rasmus, f. 9-8 1823 (18.).
3. Taletta, f. 15-10 1828, gift med Rasmus Njærheim (Njærheim 111.).
4. Johannes, f. 1-4 1826 (20.).
5. Peder, f. 14-6 1831 (22.).
6. Jonas, f. 29-3 1834, d. 3-4 s. å.
7. Jonas, f. 13-5 1835, d. 23-9 1859.
8. Lars, f. 6-4 1839 (19.).

17. Ola Monsson, f. 4-9 1820, d. 2-1 1895, ugift. Han kjøpte 12 sp. av faren i 1854 for 400 spd. + halv folge. Han hadde hus og budde nordanom mot Torland. Han var rokkedreiar og laga stolar.

18. Rasmus Monsson, f. 9-8 1823, d. 18-1 1888, gift i Klepp 19-5 1856 med Kirsten Eivindsdr. Braut, f. 30-10 1819, d. 23-11 1886, — dotter til Eivind Eivindson Sør Braut i Klepp og kona Kirsten Pedersdr. Han kjøpte 12 sp. av faren i 1854 for 400 spd. + halv folge. Han budde vestanom, bnr. 2. I 1881 selde han til Andreas Braut og tok folge, og flutte til Nærbø stasjon. Dei hadde ikkje barn.

19. Lars Monsson, f. 6-4 1839, d. 10-1 1903, ugift. Han kjøpte 3 sp. av faren i 1854 for 150 spd. Dette var Heia, bnr. 3. Lars

vart seinare sinnsjuk, og broren Johannes tok over Heia i 1861.

20. **Johannes Monsson**, f. 1-4 1826, d. 1-2 1881, ugift. — Han tok over Heia etter broen Lars i 1861 for 498 spd. — I 1879 testamenterte han 1000 kroner, eit bord, ein stol og ei blå dyne med fjørfyll til Elen Olsdr. Voll (Voll 87. 1.). Ho skulle dessutan ha rådevelde over den midtre stova med omn, og ha det brennselet ho trong, så lenge ho levde, etter han var død. Då han var død tok brørne Ola og Peder over Heia i 1882 for 2400 kroner.

21. **Maurits Nilsson** (sjå Njærheim 99.), byksla Holen av prestane i Haa og Lye i 1835. Eg veit ikkje kor lenge han budde der, men han døde på Vadlastøl i Varhaug hjå dottera Guri 4-5 1875.

22. **Peder Monsson Bjorland**, f. 14-6 1831, d. 25-2 1885, — gift 3-4 1862 med Grete Guria Tjærandsdotter Rimestad, f. 27-3 1839, d. 4-12 1931 (Rimestad 53. 2.). — Peder kjøpte 12 sp. av broren Ola i 1861 for 500 spd. + halv folge til mora, bnr.

1. Han hadde 9 barn:

1. Berta, f. 3-3 1863, d. 10-4 s. å.
2. Anna, f. 2-4 1864, d. 11-1 1872.
3. Mandius Bjorland, f. 17-1 1866 (26.).
4. Tobias Bjorland, f. 1-7 1868, gift med Grete Tønnesdr. Håland i Varhaug (sjå der 74. 4.). — Han var farmar i Amerika.
5. Jonas, f. 7-3 1870, d. 17-1 1872.
6. Jonas, f. 6-2 1872, gift i Minnesota.
7. Anna Bergine, f. 29-1 1875, gift med Ole Tønnesson (Bø 146.).
8. Peder Bjorland, f. 22-11 1876, gift med Anna Mortensdr. Bø (Bø 121. 8.). — Farmar i N. Dakota.
9. Gabriel Bjorland, f. 12-6 1880, gift med Andrea Kvia (sjå Høyland 154. 12.). Farmar i N. Dakota.

23. **Andreas Eivindson Braut** var bror til kona hans Rasmus Monsson, f. 23-12 1823, d. 1889, gift med Elisabet Kirstine Pedersdr., f. 1836. Andreas kjøpte bnr. 2 av Rasmus Monsson i 1881 for (?) årleg folge stor 600 kroner til seljaren og kona. I 1886 selde han til Anton Jonasson. — Dei hadde ikkje barn.

24. **Tolleiv Tolleivson Vashus**, var son til Tolleiv Tolleivson Vashus i Klepp og kona Inger Mathiasdr. frå Sele. Han var fødd 9-4 1842, død 18-10 1914. Gift i Klepp 5-4 1866 med Ane Ivarsdotter Hole, fødd 5-7 1842, død 17-7 1931, dotter til Ivar Ras-

musson Hole i Klepp og kona Elisabet Olsdtr. frå Kverneland i Time. Tolleiv kjøpte Heio i 1883 av Peder Monsson. Han var mykje nytta som dyrlækjar i bygda. Dei hadde 9 barn, av dei var 8 fødte i Klepp:

1. Theodor Vashus, f. 30-4 1866. Budde i Colorado, USA.
2. Inger Kirstine Vashus, f. 16-2 1868, gift 11-4 1890 med Andreas Eivindson Braut. Budde på Nese i Klepp.
3. Elisabet Vashus, f. 29-5 1870, d. 21-7 1964, ugift. Ho har vore mange år i Amerika, men budde sidan på Heimtun gamleheim i Nærbø.
4. Ivar Bjorland, f. 3-8 1873 (27.).
5. Anna Vashus, f. 5-6 1875, gift og bur i Kansas, USA.
6. Berta Karine Bertine Vashus, f. 1-8 1878. Var busett i New York.
7. Taletta Vashus, f. 10-3 1880, gift med Gustav Østenson Nese i Klepp.
8. Ingeborg Gedine Vashus, f. 18-10 1882, d. på Nærbø, ugift.
9. Tollef Vashus, fødd på Bjorland 28-10 1885. Busett i USA.

25. **Anton Jonasson Vigrestad** var son til Jonas Pederson Vigrestad i Varhaug og kona Johanna Olsdtr. Vigrestad (Vigrestad 37. 5.). Han var f. 26-11 1850, d. 3-8 1926, gift 17-11 1887 med Kirsten Hansdotter Kvasheim, f. 1868, d. 3-10 1930, dotter til Hans Jonson Kvasheim i Ogna og kona Marta Malena Olsdtr. frå Friestad. Anton hadde vore nokre år i Amerika, då han i 1888 kjøpte bnr. 2 på Bjorland av Andreas Eivindson Braut for 4000 kroner. Dei hadde 3 barn:

1. Jonas Bjorland, f. 20-11 1888 (31.).
2. Karen Mathilde Bjorland, f. 13-9 1890, gift med Tobias T. Torland (Torland 75. 5.).
3. Hans Bjorland, f. 27-9 1897 (32.).

26. **Mandius Pederson**, son til 22., var f. 17-1 1866, gift 23-3 1893 med Jette Larsdotter Vigrestad, fødd 21-1 1872 (Vigrestad 43. 4.). Mandius tok over bnr. 1 i 1892. Han var mykje nytta i bygdestyret, og la ned mykje arbeid med skipinga og reisinga av Tryggheim Ungdomskule som vart bygd på garden hans. Dei hadde 9 barn:

1. Grete Bjorland, f. 3-8 1894, gift 5-6 1922 med Trygve Øgreid.
2. Peder Bjorland, f. 17-12 1895 (33.).
3. Lars Bjorland, f. 11-3 1897 (34.).
4. Jessi Bjorland, f. 16-6 1898.
5. Ingrid Bjorland, f. 17-12 1900. Kasserar i Nærbø Sparebank.

6. Magnus Bjorland, f. 8-2 1903 (Njølstad 24.).
7. Olav Bjorland, f. 27-3 1905, gift 9-6 1934 med Ragnhild Opstad (Opstad 91. 9.). Bur på Reiestad i Varhaug.
8. Jonas M. Bjorland, f. 14-5 1908 (35.).
9. Harald Bjorland, fødd 27-6 1914, gift 25-10 1947 med Borgny Pollestad, f. 5-1 1919. Bur på Pollestad i Klepp.

27. **Ivar Bjorland**, son til 24., var fødd i Klepp 3-8 1873, død 24-12 1960. Gift 22-3 1901 med Karen Lye, fødd i Time 3-11 1872, dotter til Kristian Rasmusson Lye og kona Karen Håvardsdtr. frå Undheim. Ivar var skomakar. I 1902 tok han over faren sitt bruk, Heio, bnr. 3. Seinare tok han og over praksisen som dyrlækjar. Men då Nærbø fekk sin eigen faste lærde "veterinær", vart det smått i senn slutt på Ivar på Heio sin praksis. — **Ivar og Karen Bjorland** fekk 8 barn:

1. Ane Bjorland, f. 12-12 1901, gift med Sigvard Skjæveland i Høyland, f. 30-4 1898. Smed på Bryne.
2. Tollef Bjorland, f. 30-8 1903. Gift i Montana.
3. Karen Regina Bjorland, f. 8-9 1905, gift med Peter Overli (frå Gudbrandsdalen?). Busett i Glendive, Montana.
4. Charlotte Bjorland, f. 8-6 1908, gift m. Elling Sør Reime (S. Reime 41. 8.).
5. Kristian Bjorland, f. 23-6 1910 (36.).
6. Ivar I. Bjorland, f. 14-5 1912 (37.).
7. Otto Berner Bjorland, f. 21-6 1914, gift med Berta Salte, f. i Time 28-6 1916. Bur på Gruda i Klepp.
8. Elisabet Bjorland, f. 19-5 1917, gift med Peder Bollestad, f. i Time 23-7 1914. Smed på Bryne.

28. **Omund Olson Høyland** (sjå Høyland 152.), kjøpte eit stykke av Heio i 1900, bnr. 4. I 1908 kjøpte Kaspar Krag denne parten, og Omund Høyland budde sidan på Lode.

29. **Fredrik Bertinius Ånenson** (Næsheim 110. 1.) var fødd 1875 i Høyland. Gift 20-4 1896 med Gurine Gabrielsdtr. Høyland, fødd 26-1 1872 (Høyland 125. 3.). Han kjøpte ein part utmark av Anton Bjorland i 1899 og tok namnet Bjorland. Bertinius Bjorland var snekker og hjulmakar hjå Jonas Brekken på Nærbø. Dei hadde 3 barn:

1. Theresia Bjorland, f. 12-5 1896, gift 4-3 1916 med Severin Rimestad (Rimestad 74.).
2. Alfred Bjorland, f. 29-4 1898, gift 1) med Karen Viste, f. 23-8 1903 (Bjor-

- haug 19. 2.), gift 2) 1946 med Olina Njørheim, f. 18-5 1907 (Njørheim 141. 1.). Alfred Bjorland tok over bruket etter faren i 1940. Han har vore buss-sjåfør.
3. Gabriel Bjorland, fødd 31-10 1901, død 1931, gift 12-8 1928 med Magnhild Marie Haugland, f. 26-6 1902.
30. Kaspar Nikolai Krag (sjå Opstad 95.), kjøpte bnr. 4 av Omund Høyland i 1908. Sonen Sigvald Krag (38.).
31. Kristian Ask, son til Ivar Ask og Martha. Fødd i Strudshavn i Hordaland 18-10 1881, d. 16-6 1964, gift 4-3 1904 med Anna Gurina Olsdotter Haugstad, fødd i Varhaug 3-12 1878 (Haugstad 51. 4.). Kristian Ask kjøpte ein part av bnr. 3, Heio i 1907. Dei hadde 8 barn:
 1. Mathilde Ask, f. 1904?, d. 12-3 1920.
 2. Ingolf Ask, fødd 12-1 1906, død 10-1 1910.
 3. Ola Ask, f. 6-4 1908, gift 20-5 1934 med Alvhild Tjemsland, f. 13-7 1908 (sjå Store Håland 34.). Han bur på Bø. Er smed hjå Underhaug.
 4. Ingolf Ask, f. 10-7 1910.
 5. Berta Ask, f. 28-12 1912.
 6. Kjell Ask, f. 6-1 1915, gift 31-8 1946 med Helga Kvidaland, Ganddal.
 7. Bertinius Ask, f. 16-1 1917, gift 15-3 1943 med Albertine Olsen (Kitty).
 8. Arne Ask, f. 1917?, d. 13-10 1943.
 32. Jonas A. Bjorland, son til 25., f. 20-11 1888, død 4-10 1963. Gift 8 -11 1913 med Karen Maria Husveg, fødd i Varhaug 29-12 1887, d. 2-8 1965 (Husveg, Varhaug 43. 6.). Jonas Bjorland tok over bnr. 2 etter faren. Dei fekk 4 barn:
 1. Anton J. Bjorland, f. 4-8 1918, d. 24-3 1933.
 2. Hans J. Bjorland, f. 22-12 1921, gift 19-5 1948 med Borghild Olaus Rusdal, f. i Lund 22-12 1922. Han er telegrafist.
 3. Karl Johan Bjorland, f. 17-9 1923. — Han tok over bnr. 2 i 1950.
 4. Henrik Bjorland, f. 19-9 1925.
 - 32B. Hans A. Bjorland, bror til 32., fødd 27-9 1897, død 17-12 1962, gift 3-11 1922 med Guri Lindal, fødd 7-11 1893, død 7-6 1965 (Lindal 28. 1.). Hans Bjorland tok over halve farsgården, bnr. 12, i 1922. Barn:
 1. Anton H. Bjorland, f. 4-10 1923, gift 6-3 1948 med Solveig G. Bø, Varhaug.
 2. Tobias Bjorland, f. 14-10 1925, gift 27-7 1958 med Helen Madsen, f. i Jylland, Danmark.
 3. Kjell Bjorland, f. 9-11 1927, gift med Lovise Langøy, frå Stord.
 4. Kåre Bjorland, f. 1-10 1930, gift 24-8 1957 med Haldis Synøve Haukland, f. i Sokndal.
 33. Peder Bjorland, son til 26., fødd 17-12 1895. Gift 20-8 1939 med Anne Birgitte Obrestad, fødd 18-7 1912 (Obrestad 43. 5.). Peder Bjorland tok over bnr. 1 etter faren i 1938. Dei har 9 barn:
 1. Mons Bjorland, f. 23-11 1940, gift 1964 med Tone Moi, f. i Bjerkreim 3-5 1944.
 2. Ingvar Bjorland, f. 4-3 1942, gift med Inger Marie Pettersen frå Karmøy.
 3. Per Bjorland, f. 6-7 1943, gift 1968 med Eli Maria Nes.
 4. Jostein Bjorland, f. 14-11 1944.
 5. Ingunn Bjorland, f. 24-2 1946.
 6. Anne Brit Bjorland, f. 16-6 1947.
 7. Gudmund Bjorland, f. 29-9 1948.
 8. Ola Bjorland, f. 1-3 1950.
 9. Eyvind Bjorland, f. 17-3 1953.
 34. Lars Bjorland, bror til 33., fødd 11-3 1897. Gift 14-10 1934 med Helga Krag, fødd 30-7 1906 (Opstad 95. 5.). — Lars Bjorland bur retteleg ikkje på Bjorland, men på Næsheim. Me tek han likevel med under Bjorland, sidan bruket hans ligg slik til at det meir høyrer til Bjorland enn Næsheim. Han har bnr. 4 av Næsheim som han kjøpte i 1934. Dei har 2 barn:
 1. Jette Bjorland (Jette Marie), f. 15-11 1935, gift 31-12 1957 med Kjell Harbo, Hetland.
 2. Jorunn Bjorland, f. 15-8 1941.
 35. Jonas M. Bjorland, bror til 33. og 34. Fødd 14-5 1908. Gift 16-10 1938 med Gerd Jenny Wathne, fødd i Stavanger 4-3 1918, død 3-7 1968, dotter til Malvin og Kristense Wathne. — Jonas M. Bjorland tok over ein part av farsgården, bnr. 13, i 1935. — 4 barn:
 1. Jan Magne Bjorland, f. 26-2 1940.
 2. Knut Reidar Bjorland, f. 21-7 1941, gift 3-8 1963 med Margot Rimestad, f. 16-9 1943 (Rimestad 78. 3.).
 3. Dagfinn Bjorland, f. 25-3 1947.
 4. Ingrid Jette Bjorland, f. 23-10 1950.
 36. Kristian I. Bjorland, son til 27., fødd 23-6 1910, gift 1960 med Ingrid Malena Ivarsdotter Bø, fødd 4-10 1921 (Bø 165. 4.). Kristian tok over bnr. 3 i 1943. — Ikkje barn.
 37. Ivar I. Bjorland, bror til 36., er fødd 14-5 1912, gift 1942 med Aslaug A. Salte,

fødd 18-12 1921, dotter til Alfred og Anna Salte. Ivar Bjorland tok over ein part av Heio, bnr. 18, i 1950. Han er sjåfør. Barn:

1. Kjellaug Bjorland, f. 2-7 1943.
2. Ivar Bjorland, f. 6-7 1949.

38. **Sigvald Krag**, son til 30., er fødd 13-12 1904. — Gift 10-6 1933 med Ella Sigrid Stokkeland, fødd i Ognå 3-8 1903. Sigvald Krag tok over bnr. 4, Nyland, i 1933, etter faren. Dei har 4 barn:

1. Kaspar Nikolai Krag, f. 13-6 1934, gift med Aase Andrea Nybru, Drammen.
2. Justi Krag, f. 18-6 1936, gift 1960 med Norvald Öppedal, Sogn.

3. Inger Kristine Krag, f. 30-4 1942, gift 17-10 1959 med Oddvin Sæla, fødd i Naustdal.
4. Johannes Krag, f. 20-12 1946.

39. **Trygve Ögreid**, son til Bernt Svenson Ögreid i Eigersund. Gift 5-6 1922 med Grete Bjorland, fødd 3-8 1894 (26. 1.). Dei tok over ein part av bnr. 1, bnr. 9 i 1935. Barn:

1. Borgny Marie Ögreid, f. 8-7 1923, gift 1948 med Arne Hansen, Stavanger.
2. Jens Magnus Ögreid, f. 12-5 1925.
3. Tyra Ingrid Ögreid, — gift 1955 med Kåre Enes.

G.nr. 24. Torland



Torland.

Namnet uttalast Tårland, som og har vore vanleg skrivemåte. Ellers har stavemåten ymsa til ymse tider og stader. Tørlandd og Tørrelandd i 1567, Torland i 1610, Thørland og Thorland i 1616, Taarland i 1668 og 1723. Den vanlege stavemåten nå er Torland.

Der har vore ymse meiningar om kva namnet tydar. Somme har meint det kjem av gudenamnet Tor. Andre meiner det kjem av torv. Det siste er vel helst det rettaste. Torland har store myrvidder både i vest og sør og aust. Så opphaveleg har det truleg heitt Torfaland. Torland hadde ei korn landskuld på 3 pund i 1723.

Det ligg mot vest til Haa-åno, mot nord til Tver-åno, mot aust og sør til Gudmestad og Bø og mot sør til Bjorhaug, Bjorland og Næsheim. Jorda er myrlendt og flat. Langs å-nesjane har dei hatt gode høyslotter etter gamalt. Jærbanen skjer seg gjennom søre luten av garden, men det har ikkje før i seinare år vore dyrka noko større på øvre sida. Torland har

sine minnesmerkje frå gamletida, men dei ruvar ikkje mykje i landskapet. Der har vore både laksefiske og perlefiske frå gamalt.

Kring 1700 vart Torland utlagd til "residentgard" for kaptein Diderich Hejermann. Og i manntallet for 1701 er garden oppført som "Kongelig Majestæts frigaard, som er udlagt til Hrr. Landt-Capitains, Diderich Hejermans Residentz og Friigaard. Bebois af gemene bønder".

NAMNEREGISTER

1. Olluff
2. Niels
3. Erich
4. Ingebrigt
5. Carel
6. Biørn
7. Erik (Knutson)
8. Jakob Torland
9. Halduor Thørland
10. Jon Torland
11. Laurits Ellingson
12. Halvar Håvardson
13. Laurits Lauritsson
14. Håvard Halvardson
15. Laurits Lauritsson d. y.
16. Gunnar Torland
17. Gitle Tørresson
18. Ola Monsson
19. Tollak Taraldson
20. Halvard Håvardson
21. Jon Toreson
22. Tore Toreson
23. Gitle Gitleson
24. Tarald Eivindson
25. Torsten Bjørnson
26. Håvard Halvardson
27. Johannes Olson Anda
28. Johannes Olson Auestad
29. Berdines Torstenson
30. Bernt Monsson
31. Tørres Gitleson

32. Gitle Gitleson
 33. Henrik Mortenson
 34. Ola Torgerson
 35. Ola Monsson Motland
 36. Ola Olson Erga
 37. Elling Torland
 38. Hans Qvist
 39. Tore Samuelson Bryne
 40. Ola Olson Haugland
 41. Tarald Taraldson I
 42. Torger Olson
 43. Ola Ellingson
 44. Aslak Pederson Fenet
 45. Jesper Asbjørnson Lindal
 46. Tarald Taraldson II
 47. Peder Toreson
 48. Gitle Olson
 49. Ola Olson d. e.
 50. Ole Asbjørnson Olson
 51. Tarald Taraldson III
 52. Peder Mikal Aslakson Fenet
 53. Sven Tolleivson Arrestad
 54. Gabriel Eivindson Mossige
 55. Adne Sivertson Omdal
 56. Tønnes Tønnesson Vestly
 57. Omund Svenson Fenet
 58. Omund Tollakson Skjærpe
 59. Albret Olson Re
 60. Omund Nilsson Storhei
 61. Peder Pederson Torland
 62. Peder Pederson Tjemsland
 63. Hans Mikal Hobberstad
 64. Ola Olson d. y.
 65. Jon Olson
 66. Jon Erikson Lende
 67. Lars Tollakson Lode
 68. Ingebret Ingebretson Gausland
 69. Johan Heiberg Karlson
 70. Peder Rasmusson Håland
 71. Martin Tobiasson Satle
 72. Gabriel Hans-Mikalson
 73. Helmik Hans-Mikalson
 74. Torsten-Tobias Hans-Mikalson
 75. Tobias Taraldson
 76. Bertinius Gunnarson Kverme
 77. Gabriel Jonson Lende
 78. Ole Andreas Pederson
 79. Lars Siverson Håland
 80. Olaus Osmundson Bø
 81. Tønnes Nærland Torland
 82. Ingebret I. Gausland
 83. Sven Gausland
 84. Jens Gausland
 85. Tønnes Pederson Torland
 86. Torleif Torland
 87. Tobias T. Torland
 88. Jonas Torland
 89. Jon Ragnvald Lende
 90. Peder O. Torland
 91. Brostrup Nærland
 92. Omund Torland
 93. Osmund O. Torland
 94. Trygve L. Torland
 95. Ragnvald Torland
 96. Ola Nærland Torland
 97. Torger Nærland Torland
 98. Tor Nærland Torland
 99. Knut Torland
 100. Ingebret S. Gausland
 101. Olaf Lende
 102. Jon Ragnvald Lende
 103. Ole P. Torland
1. Olluff er nemnd på Torland i 1519.
 2. Niels er nemnd 1519/1521.
 3. Erich er nemnd 1519/1521.
 4. Ingebrigt er nemnd på Torland i 1521, truleg etter Olluff.
 5. Carel er nemnd i 1563.
 6. Bjørn er nemnd i 1563.
 7. Erik (Knutson?) er nemnd 1591/1595. Han var truleg bror til lensmennene Per Obrestad og Jon Nærland (Obrestad 6. og 7.). Erik Torland var lensmann i Kvía skipreide i 1591 og døde truleg kring 1595. Kona hans heitte truleg Lisbet Olsdtr. I 1591 er lensmann Erik Torland utsending til kong Christian IV hylling i Oslo, saman med (broren?) Jon Obrestad og Torsten Tvihaug. — Dei fylgjande var truleg Erik Torland sine barn:
 1. Knut Sørbraut.
 2. Ole Obrestad (Grannes?) (Obrestad 8.).
 3. Maren, gift 1) med Laurits Ellingson Torland (11.), gift 2) med Ola Rasmusson Reime (Reime 7.).
 4. Lisbet, gift med Halvard Godeseth.
 5. Ei dotter, gift med Eivind Ødemotland (Ødemotland 3.).
 6. Ei dotter, gift med Orm Jonson Bjorland (Bjorland 1.).
 8. Jakob Torland er nemnd i 1603.
 9. Halhuor Thørlandt er nemnd i 1602 og Haffuor i 1613. Truleg er det den same og skal vera Håvard. Det har vore halde fram at han var Håvard Eivindson frå Sørnes i Håland og gift med enkja etter Erik Torland (Lisbet Olsdtr.?), som nok var den andre kona hans. Kanskje heitte første kona Sissel? Han må då ha kome til Torland kring 1598 og døydde truleg kring 1614. Han hadde nok ikkje

barn i andre gifte, men truleg fleire i første. Millom dei var truleg dei fylgjande:

1. Håvard Håvardson Torland (12.).
2. Knut Håvardson Håland.
3. Eivind Håvardson Ødemotland (Ødemotland 3.).

10. Jon Torland er nemnd som eigar av 13 spand i Næsheim i 1626.

11. Laurits Ellingson Vestly var son til Elling (Omundson?) Vestly (Opstad 6.). Han gav 10 spand leidang på Torland i 1624. Var død før 1645. Gift med Maren Eriksdotter Torland (7. 3.). Dei fylgjande var truleg barna deira:

1. Erik Lauritsson Opstad (Opstad 17.).
2. Laurits Lauritsson Torland (13.).
3. Elling Lauritsson Stavnheim (Stavnheim 9.).
4. Hans Lauritsson (Larsson?) Hårr — (Hårr 16.).
6. Guri Lauritsdtr., gift med Hans Skretting (Skretting 9.).
7. Maren Lauritsdtr. (Larsdtr.), gift 1) med Tarald Olson Husveg, Bø, gift 2) med Peder Josefson Bø (Bø 24. og 26.).
8. (Malena?) Lauritsdotter, gift 1) med Rasmus Larsson Fuglestad i Ogna, gift 2) med Ola Olsson Fuglestad. Ho heitte kanskje Anna-Malena?
9. Lisbet Lauritsdtr., gift 1) med Kristen Jonson Tunheim frå Nærland (Nærland 6. 4.), gift 2) med Hans Ellingson Risa (Risa 22.).
10. Malena Lauritsdtr., gift med Rasmus Eivindson (Sør Braut?).

12. Halvard Håvardson Torland var son til 9. Han var fødd kring 1582, truleg på Sørnes, og der var skifte etter han 11-1 1669. Gift med Barbro Ellingsdtr. Vestly, søster til 11. Der har vore usemje om kven det var, anten Halvard eller faren, Håvard, som var domsmann i 1613. I Tingboka står Hoffour Thørlandt, men Eyvind Dahl meinte det var Halvard, og at Håvard framleis budde på Sørnes. Mot dette har ikkje eg anna å setja opp enn namna i 1613, som både i Tingboka og i skattemanntallet er **Hoffuor** og **Haffuor**. Det er då mest truleg at det var Håvard og ikkje Halvard. Halvard var laugrettesmann så seint som i 1656. Han hadde 7 barn:

1. Aslak Halvardson Opstad (Opst. 12.).
2. Håvard Halvardson Torland (14.).
3. Elling Halvardson, f. 1622, gift med enkja på Braut, Malena Torgersdtr. Budde på Nor Braut.

4. Ingrid Halvardsdtr., gift med lensm. Lars Eivindson Norheim.
5. Sissel Halvardsdtr., gift med Per Lintjörn i Ogna.
6. Malena Halvardsdtr., gift m. Tjærand Paulson Opstad (Opstad 16.).
7. Eldrid Halvardsdtr., gift 1) med Nils Bryne, gift 2) med Johannes Pederson Bryne.

13. Laurits Lauritsson Torland, son til 11., var fødd kring 1614, død 1678, skifte etter han 26-3 det året. Han var gift med enkja etter Ola Torgerson Opstad, Ingrid Rasmusdtr. (sjå Opstad 11. 2.). Ho skulle vore dotter-dotter til nr. 11., og Laurits måtte i så fall vore morbror hennar, men det er vel tvilsamt om det er rett. Ingrid si dotter i første gifte: Torborg Olsdotter, var gift med Erik Jakobson Bratland (Bratl. 5.). Laurits Lauritsson Torland var laugrettesmann 1652/1656. — (Sjå ellers Tingbok I side 159.) Laurits brukte iy2 pund i Torland i 1645 og 1665. Der er nemnde 10 barn:

1. Laurits Lauritsson Torland, f. 1655 (15.).
2. Rasmus Lauritsson, f. 1657, budde i Stavanger.
3. Malena Lauritsdtr., gift 1) med Henrik Toreson Hauge i Klepp, gift 2) med Gregorius Salveson Hauge frå Røyneberg.
4. Anna Lauritsdotter, gift med Sivert (Sjur) Ormson Horpestad.
5. Elen Lauritsdotter, gift med Gunnar Antoniusson Husveg (Husveg 14.).
6. Barbro Lauritsdtr., gift med Torgier Kristoferson Nor Braut.
7. Kirsten Lauritsdtr. var død før 1697.
8. Malena Lauritsdotter d. y., gift med Rasmus Eivindson Sør Braut.
9. Maren Lauritsdotter, gift med Peder Olson Reime (Reime 10.).
10. Kari Lauritsdtr., gift 1) med Bård Husveg, gift 2) med Rasmus Rasmusson Husveg (Husveg 9. og 16.).

14. Håvard Halvardson, son til 12., fødd kring 1620, død 1690, skifte etter han 30-9 det året. Han var gift 1) med enkja etter Erik Larsson Torland på Opstad, Berit Halvardsdtr. Lintjörn, gift 2) med Anna Olsdotter, som etter Ola Aurenes skulle vore dotter til Ola Foss-Eikeland i Høyland. Men eg har meint at ho var dotter til Ola Haugland (Salte?). Den 2-10 1677 var der skifte etter Gjermund Haugland. Enkja, Helga Jakobsdtr., hadde då ei dotter av eit tidlegare gifte: Anna Torland, og ein salig son, Ole Saltes

barn. På deira vegne møtte stykfare, Torsten Salte. Eg har meint at denne her nemnde Anna Torland må ha vore andre kona til Håvard Halvardson. Håvard og faren brukte 18 spand kvar i 1665. Håvard Halvardson hadde 6 barn i første gifte og 4 i andre:

1. Erik Håvardson, fødd kring 1654. — (Han brukte 18 spand som han etter dom av 23-11 1687 måtte gjeva frå seg fordi han hadde slept øyde både jord og hus. Sjå Tingbok II side 64.)
2. Halvard Håvardson Torland, f. 1661 (20.).
3. Sissel Håvardsdotter, var visst gift m. Asbjørn Olson Motland (sjå Motland 8.).
4. Marit Håvardsdtr., gift med Jon Tøresson Torland (21.).
5. Barbro Håvardsdtr.
6. Malena Håvardsdtr.
7. Ola Håvardson Njå, f. 1670, gift med enkja etter Simon Njå, — Kirsten Berntsdtr., dotter til Bernt Klementson Fjeld og første kona Borghild Olsdtr. (Sjå "Folk på Sandnes" nr. 221). Budde på Nå i Time, seinare på Rosland i Klepp. Deira sone-son var Rasmus Håvardson Høyland (sjå der nr. 42). Gift 2) med Marta Olsdtr., død på Høyland i Time 1739.
8. Gjermund Håvardson Hodne, — var truleg oppkalla etter mora sin stykfar, Gjermund Haugland. — Han var gift med enkja etter Mons Tollakson Hodne, Joron Svensdtr.
9. Berit Håvardsdotter, gift med Gitle Tøresson Torland (17.).
10. Barbro Håvardsdtr. d. y., gift 1) med Tore Toreson Torland, gift 2) med Bernt Monsson Torland (sjå 22. og 30.).

15. Laurits Lauritsson Torland d. y., son til nr. 13, var fødd kring 1655, død 1689, gift med Anna Rasmusdotter Re, som der var skifte etter 29-5 1695, dotter til Rasmus Eivindson Re i Time og kona Barbro Einarsdtr. frå Vestly. Dei var trimenningar. Etter Laurits vart ho gift med Ola Monsson (18.). Den 8-11 1685 er både Håvard og Laurits Torland stemnde for retten av major Hans Conrad Hubert for vanstell av jord og hus på bruka sine på Torland. (Sjå Tingbok II side 48 og 49.) Laurits og Anna Torland hadde 3 døtre:

1. Siri Lauritsdtr.
2. Ingrid Lauritsdtr.
3. Barbro Lauritsdtr.

Eg veit ikkje kvar desse vart av. Dei

er ikkje nemnde nokon stad etter skiftet var halde etter mora og stykfare i 1695.

16. Gunnar Torland var der skifte etter 9-3 1694. Han hadde vore gift med Anna Olsdtr. som truleg var enkja etter Håvard Halvardson (14.). — Det er uvisst kvar denne Gunnar var frå. Dei hadde ikkje barn, og arvingane var Gunnar sine sysken: Halvard, Ingerd og Ingeborg frå Stavanger.

17. Gitle Tøresson. Om han skriv R. A. Håland, at han var son til Tørres Frøyland i Time, og at han først hadde vore gift med Kirsten Rasmusdotter Kalberg, som der var skifte etter 14-3 1674. Dette samsvarer au med Tingbok II side 143, der Gitle Thaarland er stemnd for retten for han "haffuer frafløtt hans jordepert, naffnlig Frøyland, bispestolen tilhørende, uden besigtelse, saauelsom at haffue bortthagit aff vinduer, loser och døre, sengested, bencher och andit". — Gitle var fødd kring 1635, død etter 1701. Etter Kirsten Rasmusdtr. vart han gift 2) med (Berit Håvardsdotter Torland?) og flutte då til Torland kring 1675. Der finst ikkje noko fullgodt prov for at han var gift med Berit Håvardsdtr., men då me ikkje veit at Berit var gift annan stad, og då sonen hadde ei dotter som heitte Berit, finn me det rimeleg, at det var Berit Håvardsdotter som var andre kona hans. Gitle brukte ellers dei 18 sp. som Håvar hadde brukt. Gitle Tøresson hadde 3 barn i første gifte og 1 i andre:

1. Tørres Gitleson, fødd kring 1670.
2. Kirsten Gitledotter levde ved skiftet etter mora i 1674, sidan veit me ikkje om henne.
3. Kirsten Gitledtr. d. y., gift m. Tarald Olson Nedre Haugland.
4. Gitle Gitleson Torland, f. 1680 (23.).

18. Ola Monsson Håland var son til Mons Erikson Øvre Håland i Time (eller var det Klepp?) og kona Åsa Svensdtr. Han vart gift kring 1690 med enkja etter Laurits Lauritsson (15.), Anna Rasmusdotter. Dei døde begge i 1695, og der var skifte etter dei 29-5 det året. Ola Monsson brukte truleg dei 18 spand etter Laurits Lauritsson. Dei hadde ei dotter: Barbro Olsdtr.

19. Tollak araldson Husveg, Bø (Bø 24.). Han var fødd kring 1655, gift 1) med Anna Larsdtr. Lende som der var skifte etter 24-3 1685, dotter til Lars Svenson

Lende og kona Berit Ivarsdtr. Gift 2) med Anna Larsdtr. Foss Eikeland, enkja etter Jon Erikson Skjørestad og dottér til Lars Olsson Foss-Eikeland i Høyland. Tollak Taraldson hadde butte på Brekko i Time før han kom til Torland, der han var komen før 1701. Det er uvisst når den andre kona døde, men der var skifte etter henne 25-9 1694. Deretter gifte han seg 3) med ei-som me ikkje veit namn på. — Tollak Taraldson hadde 2 barn i første gifte, som var fødde på Brekko. I andre gifte hadde han ein son, og ein son i tredje gifte:

1. Marit Tollaksdtr., gift med Elling Toreson Øvre Haugland i Time.
2. Berit Tollaksdtr.
3. Jon Tollakson, fødd kring 1688, gift med enkja etter lensmann Ola Adamson Haugland, Berit Asbjørnsdtr. frå Motland. Jon Tollakson var lensmann etter Ola Adamson, og budde ei tid på Øvre Haugland. Seinare kom han til Skeie, og verbroren, Jon Asbjørnson Motland tok over Haugland.
4. Andreas Tollakson Vig, — fødd kring 1699, gift med Ingeborg Olsdtr. (Sjå Tingbok III side 102 og 146, 7.)
- (5.) Ei Anna Tollaksdtr. var gift med Torsten Bjørnson (25.). Det er truleg at ho var Tollak Taraldson si dotter i 3dje gifte.

20. Halvard Håvardson, son til 14., fødd kring 1661. Det er muleg at det var han som hadde vore gift med Guri Larsdtr. Skeie, som døde som enkje på Torland i 1735. I så fall måtte ho vore andre kona hans, for ho var barnlaus, og Halvard hadde minst ein son som me veit om. Kva tid Halvard døde, veit eg ikkje, men han levde i 1718 og brukte då 12 spand som han hadde teke over etter faren i 1684. Den sonen me kjenner var:

Håvard Halvardson Torland, fødd 1699 (26.).

21. Jon Toreson kom til Torland i 1683, og broren Tore kom i 1691. Dei vart gifte med kvar si dotter til Håvard Halvardson (15.). Det har vore uråd til dessar å finne ut kvar dei var frå. Jakob Jåthun meiner dei kunne vore sønene til Tore Gunnarson Hauge i Klepp. Men det tvilar eg på om dei var. Sjølv har eg tenkt om dei var sønene til Tore Bjørnson Rimestad, men det trur eg og lite på. Jon måtte vore fødd kring 1663, og der var skifte etter han 18-12 1719, gift 1) med Marit Håvardsdtr. som der var skifte etter 29-5 1695, gift 2) med Marit Svendsdtr. Uvisst

kvar ho var frå. Jon brukte 12 sp. Han hadde 3 barn i Iste gifte og 7 i andre:

1. Sven Jonson var myndig og tente i Stavanger i 1719.
2. Håvard Jonson, fødd 1696, gift med Berit Rasmusdtr. Undheim. Budde på Store Undheim i Time.
3. Anna var gift på Undheim med Ola Monsson.
4. Sven d. y., f. 1698, gift 1) med Marta Rasmusdtr. Sola, gift 2) med Helga Eivindsdtr. Kolnes. Budde på Sola.
5. Mons Jonson, f. 1699, var i Bergen i 1733.
6. Tore Jonson, f. 1703, tente på Tasta i 1733.
7. Margreta, f. 1700, død før 1733.
8. Jon Jonson, f. 1705, var i Bergen i 1733.
9. Eivind Jonson Bjorhaug, fødd 1707 (Bjorhaug 5.).
10. Ola Jonson Åsland, f. 1710, gift med Johanna Rasmusdtr. Åsland.

22. Tore Toreson, bror til Jon, var fødd kring 1666, skifte etter han 25-1 1730, gift med Barbro Håvardsdtr. Torland som der var skifte etter 16-7 1754. Ho hadde gifta seg att med Bernt Monsson. Tore brukte 12 sp. frå 1691, truleg 6 sp. frå Jon eller Gunnar og 6 sp. frå Halvard Håvardson. Tore fekk 4 barn:

1. Tore Toreson Gudmestad, fødd 1699 (Gudmestad 15.).
2. Marit, gift m. Samuel Monsson Bryne.
3. Anna d. e., gift med Knut Aasserson Reiestad i Varhaug (Reiestad 18.).
4. Anna d. y., f. 1710, gift med Tarald Eivindson (24.).

23. Gitle Gitleson, son til 17., var fødd kring 1680, skifte etter han 17-12 1756, gift med Maren Larsdtr. Høyland (Høyland 24.). Gitle byksla 18 sp. etter faren frå 1702. Dei fekk 8 barn:

1. Ingeborg, fødd kring 1708, gift med Ivar Pederson Efjestad i Varhaug (Efjestad 31.).
2. Kirsten, f. 1712, gift med Jon Ellingson Reiestad i Varhaug (Reiestad 21.).
3. Berit, f. 1714, d. på Store Oma i Time i 1800. Tente på Rimestad i 1758, 40 år.
4. Gitle Gitleson, f. 1717 (32.).
5. Ingeborg d. y., f. 1720, d. som fattiglem på Torland 15-3 1791.
6. Lars Gitleson Rimestad, f. 1723 (Rimestad 22.).
7. Tørres Gitleson Torland, f. 1725 (31.).
8. Johannes Gitleson, f. 1726, gift med Johanna Pedersdtr (Voll i Varh. 36.).

24. Tarald Eivindson, — son til Eivind Sveinson Garborg og kona — Gitlaug Knutsdtr., fødd kring 1698, gift 1) med enkja etter Jon Toreson, Marit Svensdtr., som der var skifte etter 30-4 1733, gift 2) med Anna Torsdotter Torland (22. 4.), skifte 1742, gift 3) med Berit Olsdotter Gudmestad, fødd kring 1706 (Gudmestad 13. 5.). Tarald byksla 12 sp. etter Jon Toreson av fm Valentinsen i 1720. Han levde i 1771. Første gifte var barnlaust, men 2 barn i andre og 3 i tredje gifte:

1. Tore Taraldson Skjærpe, — fødd 1737 (Skjærpe 17.).
2. Tarald Taraldson Torland, fødd 1739 (41.).
3. Eivind, f. 1743, gift med Marta Jørgensdtr. Grøtheim. Tente på Njærheim i 1758. Budde på Grøtheim i Time.
4. Sven Taraldson Risa, fødd 1748 (Risa 54.).
5. Ola Taraldson, f. 1750, gift 1) med Berta Svensdtr. Herikstad, gift 2) med Maren Gitledtr. Torland (32. 2.). — Budde på Oma.

25. Torsten Bjørnson var truleg son til Bjørn Sigbjørnson som var husmann på Nærrebø under Høyland i 1701 (Høyland 22B.). Han var fødd kring 1687. Byksla 18 sp. på Torland etter Tollak Taraldson og er nemnd i futerekneskapen frå 1723 til 1758, då sonen Berdines hadde teke over. Truleg har han døytt ved dei tider, men eg har ikkje funne noko skifte etter han, og veit ikkje om kona og andre barn enn Berdines (29.). Ola Aurenes segjer i boka "Det eldste Sandnes" at Torsten Bjørnson kanskje var den same som budde hjå sonen Tollak Torstenson på Salte i 1758. Kona heitte då Anna Tollaksdtr. Er det for vågalt å tru at ho var dotter til Tollak Taraldson i andre gifte? Son: Tollak, gift med Anna Larsdtr. Mid Salte. Budde på Mid Salte.

26. Håvard Halvardson, son til 20., var fødd kring 1699. Han tok over 12 spand etter faren og er nemnd i Futerekneskapen frå 1733 til 1746, då han døde. Korkje kona eller bam er nemnde.

27. Johannes Olson Tu, var son til Ola Johannesson Anda i Klepp og kona Inger Klausdtr. Han var truleg fødd kring 1700, død kring 1740, gift med Anna Gjermundsdotter Tu, fødd kring 1712, dotter til Gjermund Hansson Tu i Klepp. Dei hadde ein son:

Gjermund Johannesson Voll, f. 1732 (sjå Voll i Varh. 39.).

Når eg har ført opp denne Johannes Olson på Torland, så veit eg ikkje visst om han budde der. Han hadde butt på Tu, men er ikkje nemnd på Torland i Futerekneskapen. — Men ettermannen hans i ekteskapet:

28. Johannes Olson Auestad (sjå Auestad i Varhaug), budde på Torland. Han var fødd kring 1703, — gift kring 1742 med enkja etter 27., Anna Gjermundsdotter. Johannes si mor var syster til kona hans Gitle Gitleson Torland (23.). Dei var frå Høyland (sjå der 24. 1. og 2.). Johannes Auestad byksla dei 12 spand etter Håvard Halvardson i 1746. Det er truleg at nr. 27 har vore på denne parten før Johannes Auestad tok over. Han er førd i Futerekneskapen til 1762. Dei hadde ei dotter: Kirsten Johannesdtr., f. 1745, gift med Tore Samuelson (39.).

29. Berdines Torstenson, son til 25., var fødd kring 1728, død på Sandnes 1794, gift 1) i Stavanger 1754 med Siri Toresdotter Gaudeseth, fødd kring 1730, død 1783, gift 2) 1785 med Ingeborg Marie Ingebretsdtr. Forus, f. 1759. Berdines tok over bykselen på 18 sp. i Torland etter faren ein gong millom 1750 og 1758. Det var Kammerråd Assersen som hadde ferda ut og skrive under bykselbrevet. I 1760 må han ha sagt opp denne bykselen, for det året har Henrik Mortenson byksla 12 sp. av dei 18, Gitle Gitleson hadde teke over bykselen på dei 6 sp. alt i 1758. — Berdines åtte 10 spand i Mid-Salte som broren, Tollak Torstenson, brukte. Desse 10 sp. selde han til Henrik Monsson Vig i 1755. Henrik må ha selt til Tollak Torstenson att, for i 1778/81 står han som eigar av 10 spand i Mid-Salte. I 1760 flutte han frå Torland. Sidan budde han på Sandnes^ der han var gjesgjevvar og ei tid lensmann (Sjå bind II Sandnes 16.)

30. Bernt Monsson Bjorland (Bjorland 4. 1.), fødd kring 1702, skifte 16-10 1778, gift 1) med enkja etter Tore Toreson, Barbro Håwardsdtr., som der var skifte etter 16-7 1754, gift 2) 1757 med Anna Einarsdtr. Kvasheim, f. 1736, dotter til Einar Rasmusson Kvasheim frå Hobberstad og kona, Berit Tjølstdotter Friestad (Hobberstad 34. 1.). Bernt byksla 12 sp. av fru Valentinsen etter Tore Toreson i 1730. Han fekk 2 barn i andre gifte:

1. Mons Berntson, f. 1758. Han var høskar i Stavanger og ugift i 1801. Mora budde då hjå han.

2. Rasmus Berntson, f. 1764, d. 29-4 1793, ugift.

31. Tørres Gitleson, son til 23., fødd kring 1725, d. 13-11 1806, gift med Elisabet Samuelsdr. Bryne, f. 1725, d. 17-10 1802, — dotter til Samuel Monsson Bryne og kona, Marit Toresdr., frå Torland (22. 2.). Tørres byksla 18 sp. av Valentinsen i 1756 etter faren. I 1760 eller 1761 har han truleg gitt frå seg 6 sp. til broren Gitle. Tørres hadde visst berre ei dotter: Marta Tørresdr., f. 1765, gift 22-5 1791 med Ola Ellingson (43.).

32. Gitle Gitleson, bror til 31., var fødd kring 1717, død som følgemann på Torland 30-3 1792, gift med Ingeborg Andersdr., fødd kring 1708, død på Reime 17-11 1796, — kanskje dotter til Anders Karlson Vigrestad og kona, Barbro Karlsdr. (Vigrestad 18. 1.). Gitle hadde butt på Anestad. I 1758 byksla han 12 sp. på Torland av Valentinsen. Det er rimeleg at det var 6 sp. av broren, Tørres, sine 18 sp. og 6 av Berdines Torstenson sine 18 sp., for frå då av var der 6 bruk på 12 sp., mot før 3 på 12 sp. og 2 på 18 sp. Han hadde visst berre 2 døtre som var fødte på Anestad:

1. Barbro, fødd kring 1743, — gift med Tarald Taraldson (41.).
2. Maren, f. 1750, gift med Ola Taraldson Oma frå Torland.

33. Henrik Mortenson hadde byksla 12 sp. i Torland av Kammerråd Assersen i 1760 eller 1761. Han måtte vore den Henrik Mortenson som budde på Tjåland i 1758. I 1769 finn me han att på Norheim. Den 16-12 1761 byksla Kammerråd Assersen halvparten av leigendingen Henrik Mortenson sitt bykselbruk, 1 vett i Torland, som Henrik hadde **sagt** frå seg til:

34. Ola Torgerson. Kan henda han som var komen til Eikeland i Time i 1762. Ingen av desse er nemnde i futerekneskapen, og kunne snaut vore på Torland meir enn eit år, om dei var der.

35. Ola Monsson Motland (Motland 14.), var fødd på Øksnevad i Klepp kring 1707, død på Torland 1789. Gift 1) med enkje på Motland, Siri Ellingsdotter, fødd kring 1704, død før 1787. Gift 2) i Time 17-7 1787 (80 år gamal?) med enkja etter Lars Svenson Fotland i Time, Marta Larsdr., fødd 1727, død på Undheim (Netland?) 5-7 1801. Ola var den fjerde mannen hennar, og då han var død, gifta ho seg att

i Haa 25-2 1790 med enkjemann Roald Areson Store Undheim. — Ola Monsson byksla 12 spand i Torland av Kammerråd Assersen i 1761, som nok var det same som Henrik Mortenson og Ola Torgerson hadde brukt (33. og 34.). Han hadde 3 barn i første gifte, alle fødd på Motland:

1. Ola Asbjørn Olson, f. 1742. Han gjorde odelskrav på 1 pund i Motland i 1764, og lyste pengemangel.
2. Guri Marta Olsdr., f. 1744, gift med Ola Olson (40.).
3. Torger Olson Torland, f. 1747 (42.).

36. Ola Olson Erga, son til Ola Nilsson Erga i Klepp frå Gilja i Høyland og kona Elen Marta Pedersdr. — Han var fødd kring 1731, død 20-4 1797, gift 1) i Time 1755 med enkja etter Sven Olson Tunheim, Malena Rasmusdr. frå Risa (Risa 40. 4.), fødd kring 1728, død 1785. Gift 2) 1786 med Ingeborg Jonsdr. Njølstad, fødd 1751, død 4-4 1810 (Njølstad 7. 4.). Ola hadde butt på Tunheim i Time då han i 1760 byksla 12 spand i Torland av Peder Valentinsen, som Gitle Gitleson hadde sagt frå seg til han. Han hadde 5 barn i første gifte og 3 i andre:

1. Sven Olson Vigre, f. 1757 (Vigre 33.).
2. Rasmus Olson, f. 1758, gift i Stavanger 1791 med Barbro Gulliksdtr. Budde i Stavanger som arbeidsmann.
3. Ola Olson Hadland, f. 1760, gift 1796 med Sissel Karlsdr. Hadland. Budde på Hadland i Ogna.
4. Elen Marta Olsdr., f. på Torland 1762, gift med Erik Olson Bø (sjå Bø 53. 1.).
5. Malena Olsdr., f. 1765, gift i Stavanger 1787 med Jens Knutson Tjensvoll.
6. Jon Olson Torland, Næsheim, f. 1787 (Næsheim 84.).
7. Berta Malena Olsdr., f. 1791, død på Risa som fattiglem 16-7 1889, ugift.
8. Ingeborg Olsdr., f. 1793, gift 11-6 1820 med Kristian Samuelson Hognestad (sjå Vigre 41.).

38. Hans Qvist er ein mystisk person på Torland. Men me veit at han var husmann og har vel kome til Fenet. I boka "Rogalands Landbruksselskap" har Eivind Hognestad sitera: — "Hans Qvist, Huusmand under gaarden Taarland i Bøe Sogn, for de tvende sidst avvigte Aar, at have opryddet et med svære steene over alt besat stykke Mark til Ager 32 Favne lang og 23 Favne bred, og derpaa avvigte Aar avlet 7½ Tønde Korn foruden noget grøn Kaal, omsat samme med et Steengierde, derfor faaet 6 Rdlr." Kven var så denne mannen? Segna går, at han

var son til ein svensk prest og ei norsk gjenta, og at han var fostra på Torland hjå Halvard Håvardson (20.). Han vart glad i ei gjenta på Torland, men "foreldrene sig satte derimod", som det heiter i visa. Namnet Qvist kan nok tyda på svensk opphav. Så kven veit. — Seinare skulle han butt på Soma eller Tjelta, og hadde ein son: Kristian Hansson Qvist, fødd kring 1759 og gift i Klepp som enkjemann 8-7 1796 med Berta Gunnarsdotter Grønnefeld. Han var då kalla korporal frå Håland sokn. — Ein Johannes Hansson Rosland i Klepp, død 1789, skulle og vore son til Hans Qvist.

39. Tore Samuelson Bryne, son til Samuel Monsson Bryne og Marit Toresdotter frå Torland (sjå 22. 2.). Han var fødd kring 1728, død 22-1 1806, gift 12-3 1767 med Kirsten Johannesdtr. Torland, fødd kring 1745, død 31-10 1822 (28. 1.). Tore byksla 12 spand i Torland av fru Valentinsen i 1762 etter verfare. I 1793 fekk han auksjonskjøte på 6 spand for 60 dalar og på 6 spand for 75 dalar. Dei hadde 7 barn:

1. Peder Toreson Torland, f. 1767 (47.).
2. Anna Johanna Toresdtr., f. 1769, gift 1) med enkjemann Omund Nilsson Bø, gift 2) med Tore Rasmusson Bø (Bø 62. og 68.).
3. Samuel Toreson Odland, f. 1771 (sjå Odland, Varhaug 40.).
4. Johannes Toreson Vig, f. 1775, gift i Klepp 18-6 1826 med Marta Johannesdtr. Vig.
5. Tore Toreson Våland, fødd 1777 (sjå Våland 19.).
6. Marta Toresdtr., f. 1780.
7. Gjermund Toreson Våland, fødd 1787 (Våland 20.).

(8.?) Anna Toresdtr. tente på Njølstad i 1801, 35 år.

40. Ola Olson Haugland (korporal) var son til Ola Hansson Risa, Nedre Haugland i Time og kona Maren Jonsdtr. Han var fødd kring 1750, d. 20-6 1805, gift med Guri Marta Olsdtr. (35.), fødd 1744, død 29-3 1824. Ola byksla 12 spand av fru Valentinsen etter Ola Monson i 1779. I 1798 kjøpte sergeant Ola Olson Torland 9 sp. av Børre Rosenkilde for 180 rdl., og i 1799 kjøpte han 12 sp. av enkja Anna Einarsdtr. (42.) for 500 rdl. Han fekk 6 barn:

1. Guri, f. 1777, gift 1) 14-6 1795 med Rasmus Svenson Anestad, gift 2) 23-2 1800 m. Josef Pederson Anestad (Anestad 56. og 57.).
2. Maren Kirstina, f. 1779, gift 9-5 1815

med Tjøl Ellingson Njølstad (Njølstad 10.).

3. Ola Olson Torland, f. 1781 (49.).
4. Ole Asbjørn, f. 1783, d. 13-5 1809.
5. Hans Olson, død som soldat i Kristiansand 1809.
6. Serine Maria, f. 20-9 1789, d. 16-2 1791.

41. Tarald Taraldson, son til 24., var fødd kring 1739, død 21-2 1818, gift m. Barbro Gitiesdotter (32.), fødd kring 1743, død 10-12 1819. Han byksla 12 sp. av Valentinsen etter faren i 1763. I 1793 fekk han auksjonskjøte på 6 sp. for 55 rdl. 1 ort, og i 1794 kjøpte på dei andre 6 sp. for 70 rdl. Eg trur dei må ha hatt minst 4 barn:

1. Tarald Taraldson Torland, fødd 1771 (46.).
 2. Anna, fødd 1779, gift 13-10 1810 med Antonius Pederson Kvalbein.
 3. Tarald, f. 1785, d. 17-2 1791.
 4. Eivind, f. 1787, d. 18-2 1791.
- (Der har truleg vore Gitle, Marit og Ingeborg, døde før 1787.)

42. Torger Olson, son til 35., fødd kring 1747, død 15-1 1799, gift 1778 med enkja etter Bernt Monsson (30.), Anna Einarsdotter. Han byksla dei 12 sp. etter Bernt Monsson i 1778. — Millombels må Mons Berntson ha kjøpt dei 12 sp. av fru Valentinsen, for i 1791 kjøpte Torger 12 sp. av halvbroren Mons Berntson (der står så, men det skal sjølvsagt vera styksonen) for 250 rdl. Då Torger var død, selde enkja, Anna Einarsdtr. dei 12 sp. til Ola Olson (40.) for 500 rdl. i 1799. Ho flutte til Stavanger til sonen, Mons Berntson. Torger hadde ikkje barn.

43. Ola Ellingson var son til Elling Simonson Nedre Haugland i Time og kona Anna Olsdtr. frå Njå. Han var fødd på Njå 1764, død 19-8 1860, gift 22-5 1791 med Marta Tørresdtr. Torland (31.), fødd kring 1765. Han byksla 6 sp. av Valentinsen i 1797, som han kjøpte i 1800 for 80 rdl. I 1791 hadde han kjøpt 3 sp. av Johan Rantzson, og i 1796 3 sp. av Valentinsen. Dei fekk 5 barn:

1. Anna, f. 2-2 1794, gift 18-11 1821 med Josef Taraldson Haugland.
2. Gitle Olson Torland, f. 2-3 1796 (48.).
3. Elisabet, f. 30-6 1798, d. 9-5 1799.
4. Elisabet, f. 14-3 1800, gift med Jon Olson Torland, Næsheim.
5. Marta, f. 19-12 1802, gift 11-10 1827 med Omund Helgeson Haugland.

44. Aslak Pederson Refsland var son til Peder Aslakson Refsland i Varhaug og

2dre kona, Ingeborg Rasmusdr. (Refsland 5. 6.), fødd kring 1761, død 28-8 1836, gift med Gunhild Mikkelsdr., fødd kring 1762, død 25-12 1843. Eg veit ikkje kvar ho var frå. Aslak var husmann på Fenet i 1801. Dei hadde 9 barn:

1. Ingeborg, fødd 1785, gift 22-3 1835 med enkjem. Jakob Kristoferson Rimestad (Rimestad 52.).
2. Berta Maria, f. 27-2 1798.
3. Peder Mikal Aslakson Fenet, f. 19-6 1790 (52.).
4. Gunhild, f. 4-11 1792, d. 14-7 1812.
5. Jakob, f. 10-4 1795.
6. Guri, f. 15-5 1796, død 1878, gift 1829 med Ola Tolleivson Austvoll i Høyland.
7. Marta, f. 31-3 1799.
8. Akseliana, f. 31-3 1799, gift 1838 med Peder Pederson Skretting i Stavanger (sjå Voll 58.).
9. Elen, f. 29-9 1803.

Ingeborg Aslaksdr. sine søner: 1. Tarald Taraldson, f. 19-6 1808, gift med Anna Kirstina Hansdr. Skretting (Skretting 73.). 2. Torsten Torstenson, f. 5-10 1820, gift med Olina Nilsdr. Bøggero. Budde på Heddo av Skretting (Skrettingland 28.).

45. Jesper Asbjørnson Lindal (sjå Lindal 8. 5.) fødd kring 1761, død på Næsheim 26-12 1846, gift 1798 med enkja etter Ola Olson Erga (36.), Ingeborg Jonsdotter. — Jesper tok over 12 sp. etter Ola Olson som han byksla av Hans Berntsen Forman i 1798. I 1838 fekk han kongeskjøte på desse 12 sp. for 400 spd. Ikkje barn.

46. Tarald Taraldson, son til 41., f. 1771, d. 8-3 1846, gift 3-12 1797 med Ingeborg Ellingsdr. Njølstad, f. 1776, d. 26-3 1855 (Njølstad 8. 1.). Tarald kjøpte 6 sp. av faren i 1795 for 50 rdl. + følge. — Han brukte 12 sp. Dei fekk 8 barn:

1. Berta Kirstina, f. 4-8 1799, gift 7-11 1822 med Tore Svenson Rimestad (Rimestad 45.).
2. Tarald Torland, f. 30-8 1801 (51.).
3. Elling Taraldson, f. 15-5 1805, d. 19-4 1806.
4. Anne Berte Taraldsdatter, f. 1807, d. 21-12 1808.
5. Anne Berte Taraldsdr., f. 17-1 1810, gift med Gitle Olson (48.).
6. Elling Taraldson Djøseland, f. 29-11 1812 (sjå Djøseland i Varhaug 39.).
7. Gabriel Taraldson, f. 10-1 1816 (sjå Sør-Varhaug 33. og Djøseland 41.).
8. Tønnes Taraldson, f. 21-7 1819.

(General-Konsul Henrik Fosmer skøyte

15 spand i Torland til Seminarium Fredricianum i Bergen i 1798.)

47. Peder Toreson Torland, son til 39., var fødd kring 1767, død 16-4 1837. Gift 22. trinitatis 1805 med Berta Malena Reiersdotter Odland, fødd 1787, død 1-5 1861 (sjå Odland i Varh. 39.). Peder Toreson kjøpte 12 spand av faren i 1799 for 190 dalar + følge. Dei fekk 7 barn:

1. Kirsten Pedersdr., f. 19-4 1809, gift med Jon Hansson (Bø 85.).
2. Ingeborg Pedersdr., f. 27-9 1811, gift med Sven Svenson Håland (sjå Store Håland 22.).
3. Taletta Pedersdr., f. 26-5 1814, gift 1-12 1842 med Ola Olson Njærheim. Budde på Orre i Klepp (Njærh. 88. 4.).
4. Tønnes Pederson, f. 17-8 1816, d. 1-3 1817.
5. Rakel Pedersdr., f. 23-4 1818, d. 1-7 1841, ugift.
6. Peder Pederson Torland, f. 1-6 1821 (sjå 61.).
7. Tabitta Pedersdr., f. 15-11 1826, gift 21-6 1859 med Ola Olson Salte.

48. Gitle Olson, son til 43., fødd 2-3 1796, død 30-4 1886, gift 7-4 1831 med Anne Berte Taraldsdatter (46. 5.), fødd 17-1 1810, død 25-1 1879. Gitle kjøpte 12 sp. av faren i 1822. Dei fekk ei dotter:

Maren Elisabet, f. (1833?), gift 1) med Hans Mikal Hobberstad, gift 2) med Jon Erikson Haugland (63. og 66.).

49. Ola Olson d. e., korporal, son til 40., var fødd 1781, død 29-12 1861. — Gift 1) 23-10 1817 med Elen Helena Svensdotter Rimestad, fødd 1796, død 7-3 1830, gift 2) 14-3 1832 med Ingeborg Jonsdotter Bø, fødd 9-7 1807, død 29-10 1852 (Rimestad 32. og Bø 67.). Ola Olson kjøpte 12 spand av faren i 1805 for 200 dalar saman med broren Ole Asbjørn. I 1809 løyste han inn dei 6 spand av broren og andre 3 spand som Ole Asbjørn hadde byksla av Gerhard Schultze i 1806. Ola Olson hadde 4 barn i første gifte og 3 i andre:

1. Sven Olson, f. 1818, gift i Stavanger 30-11 1854 med enkja Berta Østensdr. Håland, 36 år (Sven er ikkje i kyrkje-boka).
2. Ola Olson, f. 16-11 1823, d. 1825.
3. Guri Marta Olsdr., f. 1825, gift 8-4 1845 med Rasmus Abrahamson Husveg (sjå Husveg i Varhaug 38.).
4. Ola Olson Torland, f. 17-9 1826 (64.).
5. Elen Helena Olsdr., f. 9-4 1833, gift 25-3 1852 med Peder Tolleivson Nedre Håland i Time.

6. Jon Olson Torland, f. 17-4 1840 (65.).
7. Rakel Jorina Olsdtr., f. 1-3 1850, gift med enkjemann Kristian Larsson Sør-Reime (sjå der 35.).

49B. **Jon Olson Torland**, son til 36. (sjå Næsheim 84.).

50. **Ole Asbjørn Olson**, bror til 49., var fødd 1783, død 13-5 1809. Han kjøpte 12 spand av faren saman med broren Ola i 1805. I 1806 byksla han 3 spand av Gerhard Schultze som faren hadde brukt, og Ole Asbjørn skulle gi mora følge. Før han døde i 1809 selde han dei 6 spand til broren Ola for 200 dalar, og Ola tok over dei 3 spand som byksel. Desse 3 pand + dei 12 sp. som Jesper Asbjørnson brukte var nok dei 15 sp. som var selde til Seminarium Fredricianum i Bergen i 1798 (sjå under 35.).

51. **Tarald Taraldson d. y.**, son til 46., f. 30-8 1801, d. 30-3 1865, gift 29-3 1835 med Anna Kirstina Rasmusdtr. Varhaug, f. 21-7 1815, d. 6-2 1891 (sjå S-Varhaug 66. 3.). Han tok over faren sine 12 sp. i 1833 for 250 spd. + følge. Dei fekk 9 barn:

1. Ingeborg Berte, f. 16-3 1836, gift 19-4 1870 med matros Enok Olson Hodne, f. 3-9 1835. Ingeborg Berte hadde ei dotter: Justine Nilsdtr., f. 24-4 1863, gift med Lars Sivertson Torland (79.).
2. Taletta, f. 26-2 1839, gift 10-11 1864 med Rasmus Rasmusson Efjestad i Varhaug (Efjestad 52.).
3. Tabitta, f. 25-6 1842, gift 26-3 1863 m. Sven Andreasson Njærheim (Njærh. 95. 5.).
4. Tobias Taraldson (75.).
5. Ane Berte, f. 10-5 1848.
6. Rasmus, f. 4-11 1851, d. 19-5 1852.
7. Anna Kirstina, f. 13-4 1853, d. 21-8 1853.
8. Kirstine, f. 8-9 1854, gift 1-4 1886 med Rasmus Olson Varhaug (S-Varh. 109.).
9. Rasmus, f. 14-10 1859.

52. **Peder Mikal Aslakson Fenet**, son til 44., f. 19-6 1790, gift med Stine Steinsdtr. Gimra, f. i Hjelmeland, dotter til Stein Pederson Gimra. — Han budde som husmann på Fenet etter faren, etter 1841 må han vera bortreist. I 1875 budde han på Sandnes. 3 barn er kjende:

1. Adolf, f. på Sandnes 21-4 1835, gift 28-4 1859 med Inger Jorina Torsteinsdtr. Hana. (Sjå Bind II Hana 69.).
2. Peder, f. på Fenet 25-1 1839, gift 6-10 1859 med Kristine Simonsen. Budde på Hana (72E.).

4. Stine Marie, f. 12-3 1841.
4. u. e. son: Peder Mikal, f. 23-4 1819 (sjå Grøtheim 18.).

53. Sven Tolleivson Årrestad, son til Tolleiv Olson Årrestad i Time og kona, Marta Svensdtr., frå Sikvaland i Gjesdal. Han var f. 6-8 1809, d. 2-10 1892, gift 1) 30-11 1827 med Ingeborg Larsdtr. Grøtheim i Time, f. 8-3 1807, d. 7-3 1871, gift 2) med Jorina Kristofersdotter Tjåland, f. 24-11 1811, d. 1-12 1885. Sven kjøpte dei 12 sp. av Jesper Asbjørnson (45.) i 1839 for 400 spd. Han fekk ein son i første gifte: Tolleiv, f. 8-9 1840, d. 18-9 1840.

Systersonen, Ingebret Gausland, tok over garden (68.).

54. Gabriel Eivindson Mossige kjøpte 3 sp. på Torland som Latinskulen i Bergen åtte, i 1841, for 130 spd. Desse 3 sp. hadde lege øyde ei tid, då Ola Olson ikkje ville betala bykselavgift for dei. I 1844 selde Gabriel til Ådne Sivertson Omdal og kjøpte ein gard på Bø (sjå Bø 96.).

55. Ådne Sivertson Omdal kom frå Helleland i 1844 og kjøpte dei 3 sp. av Gabriel Mossige på Torland. Han var fødd kring 1803, son til Sivert Helgeson Hovland i Helleland og Anna Ådnesdtr. Gåshus, gift 29-5 1828 med Marta Torgersdtr. Omdal, 23-10 1789, dotter til Torger Svenson Omdal og kona, Guri Torkelsdtr. Ådne gav 100 spd. for garden. Året etter, 1845, selde han til

56. Tønnes Tønnesson Vestly, son til Tønnes Torstenson og Barbro Hermansdtr. Vestly. Han var fødd 3-5 1811, død 18-10 1883, gift 1) 9-5 1842 med Ingeborg Nilsdtr. Haugland, f. 2-7 1809, d. 25-2 1858, dotter til Nils Nilsson Øvre Haugland i Time og kona, Anna Helgesdtr., gift 2) 26-3 1858 med Johanna Hansdtr. Undheim, f. 6-10 1811, dotter til Hans Olson St. Undheim og kona, Kari Skiljansdtr. frå Årrestad. Tønnes kjøpte dei 3 sp. av Ådne Sivertson i 1845 for 100 spd. — 5 barn i Iste gifte:

1. Anna, f. 7-6 1845, d. på Oddebakken 7-7 1913, ugift.
2. Berta, f. 28-9 1847, gift 1-4 1872 med Erik Ellingson Kvaselbakken (Hobberstad i Varhaug 48.).
3. Tobias, f. 12-5 1849, var vanhelsa og døde 3-1 1909.
4. Justina, f. 8-4 1851, gift med Peder Rasmusson (70.).
5. Nils, f. 10-10 1852, d. 5-4 1854.

57. Omimd Svenson Fenet — var son til Sven Omundson Skoreberg under Gausland (Gausland 19. 2.), f. 4-10 1805, d. på Bøbakkane 7-1 1890, gift 2-12 1832 med enkja etter Tollak Omundson Skjærpe, Tala Toresdtr. Budde på Skjærpe (Skjærpe 22.). Budde ei tid som husmann på Fenet. Sidan på Støberget av Bø. Han åtte nok Fenet, for i 1852 selde han til Peder Tjemsland. — Han kjøpte av Peder Toreson i 1851.

58. Omund Tollakson Skjærpe, stykson til Omund Svenson (sjå Skjærpe 23.). Han kjøpte 1½ sp. av Torland (Medholen) av Sven Tolleivson i 1850 for 70 spd. — Dette kjøpet må vera gjort om igjen, for både i 1865 og 1875 var Omund Tollakson husmann på Medholen. Han er då heller ikkje nemnd i futerekneskapen. Kring 1877 flutte han til Bjorheim og

59. Albret Olson kom til Medholen. Han var son til Ola Olson Re og kona, Rakel Gjermundsdr. frå Voll i Varhaug, f. 22-2 1850, — gift 5-11 1874 med Berta Olina Pedersdr. Rosland i Klepp, f. 16-9 1853, — dotter til Peder Berntson Rosland og Ester Malena Svensdr. frå Opstad. Albret budde som husmann på Medholen til kring 1880. Då flutte han til Håland i Varhaug (sjå der 84.).

60. Omund Nilsson Storhei var son til Nils Omundson Bøggjoro (Bø 75.), f. 2-6 1823, d. 24-10 1869, gift 31-3 1851 med Anne Berte Pedersdr. Tjemsland, f. 10-4 1813, d. 4-2 1881, dotter til Peder Asbjørnson S-Tjemsland i Varhaug og kona Berta Ellingsdr. (S-Tjemsland 24. 10.). Omund var husmann på Storhei under Sven Tolleivson Torland frå kring 1850. Han hadde 3 barn:

1. Berta Karina, f. 2-12 1851, gift 24-8 1876 m. Johan Heiberg Karlson (69.).
2. Nikolina, f. 22-2 1854, gift med Nils Tønnesson Bø (Bø 90. 2.).
3. Peder, f. 22-2 1854. Reist til Amerika.

61. Peder Pederson Torland, son til 47., f. 1-6 1821, d. 1-5 1895, gift 1853 med Berta Olsdr. Kolnes, f. 1824, d. 14-4 1894, dotter til Ola Olson Kolnes og Maria Isaksdr. frå Røyneberg. Han tok over 12 sp. av faren i 1852, 12 sp. -f. Fenet. Dei fekk 5 barn:

1. Berta Malena, fødd 2-2 1854, gift 1-12 1899 med enkjemann Theodor Anda på Nærbo.
2. Anna Maria, f. 1-3 1857, gift 9-11 1882 med Jonas Svenson Salte.

3. Peder, f. 24-9 1859, d. 15-2 1863.
4. Ole Andreas Torland, fødd 8-11 1862 (sjå 78.).
5. Peder, f. 28-3 1866, d. i Amerika 1911, gift med Malena Ellingsdr. Herigstad i Varhaug, f. 14-12 1864.

62. Peder Pederson Tjemsland, son til Peder Pederson Nord-Tjemsland og Elen Rasmusdr. frå Vigre, f. på Lerbrek 9-1 1825, gift 1-4 1852 med Malena Eivindsdr. Høyland, f. 14-2 1813, d. 8-11 1887 (Høyland 69.). Peder kjøpte Fenet av Omnd Svenson, 1% sp. i 1852 for 50 spd. Ei dotter:

Elen, f. 22-10 1854, gift med Martin Tobiasson (71.). (Sjå Lerbrek 26. 3.)

63. Hans Mikal Hobberstad var son til Torsten Tobias Erikson Hobberstad og kona Sissel Henriksdr. (Hobberstad 39. 5.), f. 21-7 1825, d. 25-7 1861, gift 26-3 1857 med Maren Elisabet Gitlestr. Torland, f. (1833?), d. 11-5 1877 (48. 1.). — Hans Mikal kjøpte 12 sp. av Gitle Olson i 1858 for 200 spd. + følge. Då Hans Mikal var død gifta enkja seg 3-11 1868 med Jon Erikson Lende. Hans Mikal fekk 3 søner:

1. Gabriel, f. 29-1 1858 (72.).
2. Torsten Tobias, f. 28-8 1859 (74.).
3. Helmik, f. 11-12 1860 (73.).

64. Ola Olson d. y., son til 49., f. 17-9 1826, d. 2-4 1913, gift 5-7 1860 med Serina Pedersdr. Opstad, f. 11-1 1835, d. 5-3 1916 (Opstad 59. 4.). — Ola kjøpte 12 sp. av faren i 1852 for 300 spd. + følge. Ola Torland var ein stridlynd mann, og ikkje lite kranglevoren. Han stod alltid på sin rett, og hadde sin eigen måte å demonstrera retten sin på. Eit godt døme på det er då dei nye eigarane på Næsheim lødde i leda på den gamle kyrkjevegen deira Torland, som gjekk over Næsheimhagane, og som ikkje hadde vore i bruk sidan den nye vegen om Bø kom, då kom Ola med hest og kariol og opna leda og køyrde gjennom åkaren til neste led. Då snudde han og køyrde heim att. — Dei Næsheim lo og lødde i leda att. Ola kom ikkje att. Han hadde berre vilja demonstrera retten sin. Men på den andre sida var han hjelpsam. Var det einkvan som sleit tungt med stor skuld, og det gjerne stod på spel med garden, då gjekk Ola til grannane og fekk dei med på å hjelpe, anten med "kapsjonering" eller på annan måte. Og nåde dei då som ville vri seg undan. Ola og Serina fekk 6 barn:

1. Ola, f. 13-10 1860, d. 20-7 1861.

2. Elen Helena, f. 18-11 1862, gift med Ole Andreas Pederson (78.).
3. Justine, f. 12-3 1867, gift med Gabriel Lende (77.).
4. Ole, f. 6-9 1870, d. 24-8 1952, gift med Anna. Han gjekk militærvegen liksom farfaren og oldefaren. Var fanejunker då han døde. Budde i Kristiansand.
5. Ole Asbjørn, fødd 1-12 1873, gift med Ruth Paff Olsen frå Arendal. Han var lækjar i Amerika.
6. Sikke Maria, f. 16-1 1877, gift med Tønnes Nærland (81.).

65. Jon Olson, halvbror til Ola, f. 17-4 1840, d. 12-5 1912, gift 19-4 1865 med Anna Pedersdr. Risa, f. 22-8 1834, d. 26-9 1869 (Risa 66. 4.). Han kjøpte 9 sp. av faren i 1858 for 300 spd. + følge. Jon var ein heilt annan type enn Ola. Han for stillt og stakk seg aldri fram på nokon måte. — Han fekk då heller ikkje gjort større av det med garden heller, men potla på den gamle måten ute og inne. Då han var død gjekk bruket over til hovedbruket att. Han hadde 2 døtre:

1. Justina, f. 7-10 1867.
2. Grete, f. 1-6 1869, d. 28-8 1904, ugift.

66. Jon Erikson var son til Erik Erikson Lende og kona Guri Malena Jonsdr. Han var f. 21-3 1835, d. på Haugland, gift 3-11 1868 med enkja etter Hans Mikal Hobberstad (63.). Jon Erikson brukte Torland bnr. 7 til styksonen, Gabriel Hans Mikalson, var myndig. Sidan budde han på Haugland. 3 barn var fødte på Torland:

1. Enevald Haugland, f. 19-9 1869.
2. Andreas, f. 15-4 1871.
3. Grete Maria, f. 26-10 1872.

67. Lars Tolleivson Lode (sjå Lode 45.). Han budde som husmann på Torlands-Myro frå 1850 til han døde 2-2 1883.

68. Ingebret Ingebretson Gausland (sjå Gausland 22. 5.). Han var f. 25-10 1838, d. 19-7 1918, gift 19-9 1869 med Malena Jensdotter Njå, fødd i Time 2-3 1849, d. 5-7 1913, dotter til Jens Bull Olson Njå og kona Malena Torkelsdr. — Ingebret Gausland var skulemeistar og budde hjå morbroren Sven Tolleivson på Torland (53.). I 1865 fekk han kjøpe bnr. 5 av han for 700 dalar. Så gjekk han i gang med nybygging av alle husa sør i marka. Her tok han så fatt på eit stort nybrottsarbeid. Då slåmaskinane kom til Jærs, var han ein av dei første som kjøpte ein slik. Han gjekk og i gang med griseal.

Ingebret Gausland kom snart med i det kommunale styr og stell i bygda. Han var ordførar mange år. I 1897 vart han lensmann i Haa og stod i ombodet til han døde. Ingebret og Malena hadde 8 barn:

1. Ingebret Gausland, f. 22-7 1871 (82.).
2. Jens Bull, f. 10-10 1873, d. 7-10 1875.
3. Jens Bull, f. 31-10 1876, d. 14-3 1881.
4. Sven Ingvald, f. 23-11 1878 (83.).
5. Guri Maria, fødd 24-12 1881, død 20-3 1886.
6. Malli Gausland, f. 7-7 1885, d. 21-4 1964, gift 7-5 1910 med Johan Rasmussen, f. i Ognå 1878. Handelsmann på Varhaug og Nærbø, seinare disponent ved Jærens Potetsmjølfabrikk på Klepp.
7. Jens Gausland, f. 13-10 1887 (84.).
8. Gabriel Gausland, f. 21-2 1892, d. i Drammen 7-12 1966, gift med Magnhild Gjedrem, f. i Bjerkreim 1894. — Jordskifte-dommar. Budde i Lier.

69. Johan Heiberg Karlson var fødd i Stavanger 3-4 1851, son til Karl Kristian Julius Bork. Han var gift 24-8 1876 med Berta-Karina Omundsdr. Storhei (60.), f. 2-12 1851. Johan Heiberg var husmann på Storhei til 1882. Budde visst seinare på Salte. 3 barn var fødte på Torland og 4 på Salte:

1. Omund Heiberg, f. 11-12 1877, d. 17-6 1878.
2. Anne Birgitte Heiberg, f. 1-5 1879, gift med Jon Jonson Bekkeheien (Høyland 170.).
3. Omund Heiberg, f. 25-2 1880, gift i Klepp 22-9 1907 m. Anna-Gurine Tønnesdr. Horpestad.
4. Jørgen Heiberg, f. 28-3 1885, gift med Laura Margreta Erga. Bur i Stavanger.
5. Taletta Heiberg, f. 8-7; 1887, d. 26-12 1916, ugift.
6. Bergine Karoline Heiberg, f. 9-7 1890, gift 1) med Albret Tu, Bryne, gift 2) med Jonas Mandiusson Høyland (Høyland 178.).
7. Torvald Heiberg, fødd 22-12 1892, gift med Berta Sofia Karlsdr. Helleberg i Håland, som sidan vart gift med Peder Pederson Rugland frå Pollestad (Rugland 40. 6.).

70. Peder Rasmusson Håland (sjå Store Håland 20. 5.). Han var fødd 30-8 1847, død 8-5 1917. Gift 24-8 1876 med Justina Tønnesdr. Torland (56. 4.), f. 8-4 1851. Peder kjøpte bruket nr. 4 av Tønnes Tønneson sine arvingar i 1887 for 600 kroner + følge til enkja Johanna Hansdr. og Tobias Tønneson. Dei fekk 9 barn:

1. Jorina Pedersdr., f. 8-7 1877, gift 1906

- med Jakob Hansteen Nærland (sjå Nærland 51.).
2. Tønnes Pederson, f. 21-9 1879, d. 17-11 1882.
 3. Berta Kirstina Pedersdr., f. 9-7 1881.
 4. Tønnes P. Torland, f. 28-2 1885 (85.).
 5. Rasmus P. Torland, f. 20-7 1886, gift 1915 med Johanna Birgitte Pollestad (sjå Høyland 137. 8.). Bur på Ganddal.
 6. Peder P. Torland, f. 26-11 1888, død ugift.
 7. Karl Johan Torland, f. 5-12 1892, gift med Selma Svensdr. Årsland. Budde på Mæland i Varhaug.
 8. Jon P. Torland, f. 12-10 1894, d. 23-9 1966. Budde på Horpestad i Klepp.
 9. Reinert P. Torland, f. 12-10 1896, død 23-9 1966, ugift.
71. **Martin Tobiasson Salte** var son til Tobias Svenson Salte frå Høyland (108.), f. på Bekkeheien 12-6 1858, gift 9-4 1880 med Elen Pedersdr. Fenet, f. 22-10 1854 (62.). Martin kjøpte Fenet av Peder Pederson i 1880 for 530 kroner + følge til seljaren og kona hans. I 1885 selde han Fenet til Peder Pederson Torland (61.). Sidan reiste han visst til Stavanger. 5 barn var fødde i Nærbo:
1. Peder, f. på Fenet 3-3 1881.
 2. Maria, f. 4-5 1882.
 3. Tobias, f. 16-12 1883.
 4. Ane Berte, f. på Høyland 9-8 1885.
 5. Petrine, f. på Nærbo stasjon 26-5 1889.
72. **Gabriel Hans-Mikalson**, son til 63., f. 29-1 1858, gift 19-10 1876 med Karen Margreta Hansdotter Haugland, f. 19-1 1857, dotter til Hans Olson Øvre-Haugland i Time og Berta Maria Eriksdr. frå Netland. Gabriel vart tilskriven bruket ved skifte etter faren i 1868 for 600 spd. Eg veit ikkje kva tid han tok over bruket. Men mora og stykfarene var komne til Haugland i 1875, så det er truleg at han tok over då. Han var snaut 19 år då han gifta seg i 1876. Ung og urøynd som han var, og visst ikkje så lite av ein villstyring så gjekk det ikkje lenge før han måtte gå frå garden. Han strauk då til Amerika, og broren Helmik tok over etter han. Gabriel og Karen Margreta fekk 4 barn på Torland:
1. Hans Mikal, f. 5-1 1877, d. 24-7 s. å.
 2. Hans Mikal, f. 30-9 1878, d. 3-6 1881.
 3. Maren Elisabet, f. 1-9 1880, d. 6-5 1881.
 4. Gabriel, f. 16-4 1882.
73. **Helmik Hans-Mikalson**, bror til Gabriel, f. 11-12 1860, død av nervefeber 17-9 1882, ugift. Han kjøpte garden av broren i 1882 for 6000 kroner + følge til morfaren, Gitle Olson. Då han var død tok den tredje broren:
74. **Torsten Tobias Hans-Mikalson** over for 7400 kroner i 1883. Det gjekk ikkje likare med han enn med Gabriel. Alt i 1887 var han utspelt. Han selde då garden til Gabriel Lende for 8200 kroner og strauk til Amerika.
75. **Tobias Taraldson**, son til 51., f. 22-4 1845, d. 4-1 1924, gift 17-11 1882 med Anne Birgitte Jonasdr. Mauland, f. 3-10 1856, dotter til Jonas Olson Mauland og kona Anna Olsdr. frå Garborg. Tobias kjøpte bnr. 9 av mora i 1870 for 500 spd. + følge. Han fekk 7 barn:
1. Anna, f. 20-4 1884, gift m. Sven Gausland (83.).
 2. Borghild, f. 10-1 1886, gift 2-4 1910 med Hans Jonson Åse.
 3. Torleif Torland, f. 14-2 1888, gift 15-6 1915 med Anna Johanna Sør-Reime, f. 5-8 1890 (Sør-Reime 40. 1.). Han brukar bnr. 9.
 4. Janna, f. 16-4 1890, gift 5-4 1913 med Ole Larsson (Vigre 57. 1.).
 5. Tobias Torland, f. 1-5 1892, gift 13-11 1915 med Karen Mathilde Bjorland, f. 13-9 1890. Han brukar bnr. 18.
 6. Anna Birgitte, f. 23-6 1894, d. 19-1 1914.
 7. Jonas Torland, fødd 7-10 1896. Brukar bnr. 12.
76. **Bertinius Gimderon Kverme**, son til Gunder Børildson Kverme i Oгна og Karen Elisabet Salvesdr., f. 1850, d. på Gudmestad 17-5 1909. Han kjøpte Medholen av Torlands oppsitjarar i 1886. I 1890 selde han til Olaus Osmundson Bø og kjøpte gard på Gudmestad (sjå der 46.). Gift 22-6 1876 med Berta Karina Olsdr. Hårr, f. 9-7 1856 (Hårr 63. 1.).
77. **Gabriel Jonson Lende** var son til Jon Olson Lende frå Mauland og kona Anna Endresdr. Arrestad. Han var f. 6-11 1856, d. 11-11 1907, gift 13-4 1888 med Justina Olsdr. Torland (64. 3.), f. 12-3 1867, d. 17-3 1918. Gabriel var skulelærer. I 1887 kjøpte han bnr. 7 av Torsten Tobias Hans-Mikalson. — Gabriel var ein framstigsman av den kjende Mossigeætta, som har sett merke etter seg på mange omkverve både på Jæren og i landet elles, ikkje minst i jordbruket. Men han var helseveik, og læraryrket tok opp mykje av tida hans, så han fekk ikkje gjort så mykje ut av garden som han

elles kunne ha gjort. Gabriel og Justina Lende fekk 6 barn:

1. Jon Ragnvald Lende Torland, f. 24-9 1890, gift 1927 med Astrid Sikveland, f. 17-8 1898. Brukar nå garden saman med sonen Olav Lende.
2. Anna, f. 22-5 1892, sjukesøster i Oslo.
3. Olaf, f. 24-9 1894, d. 27-11 1918.
4. Gabriel Lende, fødd 8-8 1896, lækjar. Var nokre år lækjar i Kina og Thailand. Sidan mange år på Nærbø. Gift 1939 med Dagmar Andersen, f. i Oslo 28-6 1912.
5. Sigurd, f. 6-6 1898, d. 14-10 1904,
6. Justina, f. 13-5 1900, gift m. ing. Lassi Kiniranta, busett i Tampere, Finland.

78. **Ole Andreas Pederson**, son til 61., f. 8-11 1862, d. 10-5 1949, gift 18-3 1892 med Elen Helena Olsdtr. Torland (64. 2.), f. 18-11 1862, d. 10-10 1925. Han kjøpte bnr. 8 av faren i 1889, dessutan åtte han Leirfenet, bnr. 6 og 10. Dei fekk ein son:

Peder Olson Torland, f. 27-7 1905, gift 7-6 1930 med Janny Gausland, f. 16-9 1907. Dei brukar nå garden.

79. **Lars Siverson Håland** (Håland, Varh. 72. 3.). Han var fødd 5-12 1865, gift 20-3 1888 med Justina Nilsdotter Torland, f. 24-3 1863, d. 1-9 1932 (sjå 51. 1.). Lars tok namnet Torland, og tok over ein part av bnr. 9 av kona sin morbror, Tobias Taraldson, bnr. 11 Torlandsmyro, i 1890. Dei fekk 9 barn:

1. Ingvald Torland, f. 1888, d. 15-11 1966, gift m. Sigrid Ålgård. Ingvald Torland var nokre år arbeidsformann ved Opstad Tvangsarbeids-gard — og ei tid gardstyrar på Ålgård. Sidan busett på Sandnes.
2. Berta Kirstina Torland, f. 5-7 1890. Hennar son, Ragnvald Torland, fødd 27-11 1910 (sjå 95.).
3. Sven Torland, f. 2-1 1895, d. 13-2 1969, gift med Taletta Pedersen frå Tasta. Han har vore kaiarbeidar i Stavanger.
4. Anna Torland, f. 5-7 1893, gift 20-11 1920 med Halvard Valdeland (Høyland 158. 6.).
5. Ingebjørg Torland, f. 30-10 1896, d. 1958, gift med Eilert Lund, Brønnøysund.
6. Janna L. Torland, f. 14-7 1898, gift 14-10 1917 med Martin Olson Salte, Bryne.
7. Lisa Torland, f. 20-8 1900, gift 26-8 1917 med Rasmus Salte, Bryne. Ein son er flygar.
8. Trygve Torland, f. 23-8 1902 (94.).
9. Tora Torland, f. 14-5 1905 (94.).

80. **Olaus Osmundson Bø** (Bø 103. 3.), f. 12-6 1862, d. 4-1 1917. Gift med Karen Abrahamsdotter Line, f. 5-11 1848, d. 4-7 1931. (Abraham og Karen Malena Line.) Olaus kjøpte Medholen, bnr. 3, av Bertinius Gunnarson i 1893, og tok namnet Torland. Han var banevaktar og linjearbeidar. Dei hadde 5 barn, dei 2 yngste på Torland:

1. Rebekka Torland, f. 25-12 1884, d. 15-8 1908, gift 23-3 1906 med Jon Jonson Refsnes (sjå der 9.).
2. Malena Olausdtr., f. 1885, gift 24-4 1909 med Abraham Kristianson Åse i Klepp.
3. Omund Torland, f. 25-8 1887, gift 23-10 1912 med Rakel Indrebø, f. 25-10 1890 (Bø 133. 4.). Han brukte farsgarden. Døde 9-7 1960, Rakel død i april 1963.
4. Andreas Torland, fødd 25-4 1890, gift 25-10 1914 med Rakel-Sofie Boremyr, f. i Årdal i Ryfylke. Bur på Bø-jero.
5. Ole Kristofer, f. 6-4 1893, d. 6-3 1896.

81. **Tønnes Nærland Torland** (Nærland 43. 7.). Han var fødd 27-5 1875, død 1-7 1963. Gift 11-5 1905 med Sikke Marie Olsdtr. Torland, fødd 16-1 1877 (64. 7.). Tønnes kjøpte bnr. 1 av verfare Ola Olson. Dette bruket, som var det største på Torland, har Tønnes drive fram til ei samla dyrka jordvidd på 350 mål, som han skifte mellom dei 3 sønene, og garden har ennå mykje dyrkbar mark og myr. — Tønnes og Sikke Maria hadde 7 barn:

1. Seri Nærland Torland, f. 9-8 1905, gift 19-4 1929 med Ingebret I. Ueland, Nærbø (sjå Motland 32. 2.).
2. Ola Nærland Torland, f. 9-2 1907, gift 1951 med Gudrun Haugland. — Han brukar hovedparten av farsgarden.
3. Olina Nærland Torland, f. 6-11 1908.
4. Maria Nærland Torland, f. 18-7 1910, gift 1941 med Ivar Larson Rimestad (Rimestad 65. 3.).
5. Torger Nærland Torland, f. 5-3 1912, gift 7-11 1937 med Helena Pollestad (sjå Høyland 181. 2.). Bur på Torland, bnr. 24, Solheim.
6. Tor Nærland Torland, f. 12-11 1916, gift 9-11 1946 med Dagrun Braut, f. i Klepp 9-6 1924. Bur på Torland.
7. Ingrid Gabrielle Nærland Torland, f. 30-10 1918, gift med Tønnes Vikeså.

82. **Ingebret I. Gausland**, son til 68., f. 22-7 1871, d. 30-3 1940, gift 1900 med Severine Johanna Olsdtr. Marvik, f. i Jelsa 3-7 1877, d. 25-4 1936, dotter til Ola og Liva Marvik. Ingebret Gausland var

mange år jordskifte-formann. Då faren var død vart han tilsett som lensmann i Haa frå 1916 til 1934. I 1908 skifte faren garden millom 3 av sønene. — Ingebret fekk bnr. 13 og bygde alle husa frå nyom. I 1917 vart det avgjort at lensmannen skulle bu i Varhaug. Då kjøpte han ein part av Varhaugs utmark og bygde og rudde ein fin gard der, samstundes med at han brukte Torland. Dei fekk 8 barn:

1. Malena, f. 31-8 1901, gift med Gjert Børsheim.
2. Ingebret Gausland, f. 15-10 1905, gift 4-4 1936 med Aksliana Kristine Nærland, f. 9-9 1909 (Næsheim 113. 7.). Lensmann i Haa frå 1934. — Bur på Varhaug, bnr. 72.
3. Liv Bergljot, f. 29-8 1903, gift 1933 med Brostrup Berner Nærland, f. 2-5 1903. Dei tok over bnr. 13 på Torland i 1933.
4. Ola, f. 22-8 1907. Han er i Amerika.
5. Guri, fødd 23-12 1909, — sjukesyster i Oslo.
6. Karl Gausland, f. 3-9 1911, gift 24-11 1945 med Astrid (Odland 72. 1.), fødd 26-6 1920. Han er herredskasserar i Nærbø. Bur på Bø.
7. Ruth, f. 19-8 1916, gift 15-10 1938 med Magnus Svenson Vøll, f. Sørbo 28-4 1918. Bur på Sola.
8. Ingvard Sigurd, f. 12-2 1921, d. 15-1 1945.

83. **Sven Ingvald Gausland**, bror til Ingebret, fødd 23-11 1878. Gift 16-3 1906 med Anna Tobiasdtr. Torland, fødd 20-4 1884 (75. 1.). Sven Gausland var faren sin hjelpesmann i lensmannsombodet alt frå først av, og i dei siste leveåra til faren var det Sven som i røynda var lensmann. Han var mange år kassastyrar i Nærbø-banken, var ordførar i fleire valbolkar, og har dessutan hatt mange andre ombod i bygda. — Best kjend er han som auksjonarius. Alt då faren tok til som lensmann var det Sven som svinga hammeren på aksjonane. Han tok over hovedbolet av farsgarden, bnr. 5, i 1908. Sven og Anna har 6 barn:

1. Malena Gausland, f. 24-2 1907, gift med Ragnvald Skjærpe (sjå Skjærpe 44. 1.).
2. Ingebret S. Gausland, f. 22-3 1909, gift 22-6 1963 med Målfrid Eikeland, Hetland. Han brukar farsgarden.
3. Bergit Gausland, f. 26-6 1911, gift 24-6 1939 med Olav Magnus Arneson, f. i Haus 11-1 1911.
4. Torbjørg Gausland, f. 26-6 1911, gift 24-6 1939 m. Peder Bernhard Østerås, f. i Sparbu 18-3 1910.

5. Torolv Gausland, f. 1-1 1915, gift 1940 med Gudrun Erås.
6. Jens Bull Gausland, f. 17-8 1919.

84. **Jens Ingebretson Gausland**, bror til Ingebret og Sven, er fødd 13-10 1887, død 2-5 1964. Han tok over den nordre parten av farsgarden i 1908. I 1917 kjøpte han ein part på Anda i Klepp, og i 1925 selde han Torland til Jonas T. Torland (75. 7.). — Jens Gausland sin innsats både som bonde og tillitsmann på mange omkverver er stor. Men hans vita i så måte høyrer meir til i Kleppsgoa enn i Nærbøsgoa.

85. **Tønnes Pederson Torland**, son til 70., fødd 28-2 1885, død 10-2 1962. Gift 1913 med Grete Torstensdotter Auestad, fødd 3-7 1887 (sjå Auestad i Varhaug 48. 5.). Tønnes brukte farsgarden, bnr. 4. Dei hadde 3 barn:

1. Peder T. Torland, f. 13-10 1914.
2. Torstein T. Torland, fødd 13-10 1919. Dei brukar garden.
3. Justi T. Torland, f. 9-1 1926, gift med Reidar P. Obrestad, f. 8-8 1925.

86. **Torleif Torland**, son til 75., fødd 14-2 1888, gift 15-6 1915 med Anna Johanna Sør-Reime, fødd 5-8 1890 (**S-Reime** 40.). Han tok over bnr. 9 etter faren i 1914. Barn:

1. Bergit Torland, f. 12-3 1916, gift 3-7 1946 med Carl Rønneberg.
2. Aslaug Torland, f. 21-2 1918, gift 16-5 1942 med Bjarne Åse.
3. Bjørg Torland, f. 23-10 1920, gift 24-2 1951 med Tauler Stokka.
4. Tobias Torland, f. 7-1 1923.
5. Åsta Torland, f. 23-6 1925, gift 24-5 1947 med Gjermund Mauland.
6. Ola Torland, f. 11-4 1928.
7. Torfinn Torland, f. 8-4 1933, gift 27-7 1957 med Helga Are.

87. Tobias Torland, bror til 86., fødd 1-5 1892, gift 13-11 1915 med Karen Mathilde Bjorland, fødd 13-9 1890, død 14-3 1964 (Bjorland 25. 2.). Han tok over ein part av farsgarden, bnr. 18, i 1914. Barn:

1. Tarald Torland, f. 21-12 1916.
2. Anton Torland, f. 28-10 1918, gift 17-8 1946 med Herborg Fitje (sjå Lerbrek, Varhaug 47. 14.).
3. Borghild Torland, f. 24-9 1920, gift 10-12 1949 med Olav Skårland, Fosse.
4. Kåre Torland, f. 8-12 1922.
5. Torleif Torland, f. 14-12 1924, gift med Ester Sofie Ueland.
6. Berge Torland, f. 17-2 1929.
7. Kirsti Torland, f. 18-6 1935, gift 21-12

1963 med Oleiv O. Høyland (Høyland 185. 1.).

8. Knut Torland, f. 8-4 1926 (99.).

88. **Jonas Torland**, bror til 86. og 87., f. 7-10 1896, d. 5-10 1968. Jonas Torland kjøpte bnr. 12 av Jens Gausland i 1925. Han var ugift.

89. **Jon Lende**, son til 77., fødd 24-9 1890. Gift 1927 med Astrid Sikveland, fødd i Time 17-8 1898, dotter til Olaf R. Sikveland og kona Fredrikke Karlsdtr., fødd Eidland. Jon Lende tok over bnr. 7 etter faren i 1918. Barn:

1. Gabriel Lende, f. 9-3 1928, gift 5-8 1950 med Berta Gausland, f. på Mossige i Time 19-3 1927. Bur på Årdal.
2. Olaf Lende, f. 23-9 1929, gift 30-5 1964 med Haldis Rettedal.
3. Sigurd Olav Lende, f. 8-2 1931, gift 31-12 1856 med Aksliane Kristine Nærland (91. 1.).
4. Ingrid Lende, f. 11-5 1933, gift 1956 med Jon T. Reime (sjå Store Håland 37. 4.).
5. Fridlaug Lende, f. 15-7 1935.
6. Jon Ragnvald Lende, f. 10-5 1939, gift 31-12 1962 m. Solfrid Nedland, Gyland.

90. **Peder O. Torland**, son til 78., f. 27-7 1905, d. 23-8 1966. Gift 7-6 1930 med Janny Gausland, f. 16-9 1907 (Gausland 37. 9.). Han tok over bnr. 6-8-10 etter faren i 1930. Barn:

1. Ella Torland, f. 5-4 1931, gift 1954 med Audun Vastveit.
2. Jolaug Torland, f. 28-2 1934, gift 1956 med Johs. Vold, Rokke.
3. Ole Torland, f. 12-9 1940, gift 1964 med Gerd Langholm, Klepp.
4. Ingfrid Torland, f. 13-3 1943, gift 10-8 1963 med Mons Bjorland (sjå Njølstad 24. 2.).
5. Aslaug Torland, f. 6-11 1945, gift med Nils Sandsmark, Sira.
6. Reidun Torland, f. 6-11 1945, gift med Bjørn Norman.

91. **Brostrup Bemer Nærland** (Næsheim 113. 3.), fødd 2-5 1903. Gift 1939 med Liv Bergliot Gausland (82. 2.). — Brostrup Nærland tok over bnr. 13 i 1932, av verfare, lensmann Ingebret Gausland, som då var flutt til Varhaug. Til denne parten høyrer gardsnr. 16, bnr. 9 Nesjane. Barn:

1. Aksliane Kristine Nærland, fødd 23-6 1934, gift 31-12 1956 med Sigurd Olav Lende (89. 3.).
2. Ingebret Nærland, f. 18-5 1937, gift 14-7 1960 med Bjørg Håland, f. i Orre

12-5 1936. (Oskar Albretson Håland, Varhaug og Justine Olsdtr., f. Salte.)

3. Siri Nærland, f. 30-6 1945.

92. **Omund Torland**, son til 80., fødd 25-8 1887, død 9-7 1960. Gift 23-10 1912 med Rakel Indrebø, fødd 25-10 1890, død 18-4 1962 (sjå Bø 133. 4.). Omund tok over bnr. 3, Medhodl, etter faren i 1916. Barn:

1. Osmund Torland, f. 24-7 1913 (93.).
2. Ola O. Torland, f. 20-5 1916.
3. Kari Torland, f. 15-9 1918, gift 23-11 1938 med Arne E. Braut, Klepp, f. 22-10 1915.
4. Odd O. Torland, f. 24-2 1921, gift 1947 med Margreta Haugland, f. i Time.
5. Magnhild O. Torland, f. 13-9 1922, gift 1949 med Kristian Ingvaldson Håland, Time, f. 16-2 1923.
6. Randi O. Torland, f. 29-1 1926, gift 1946 med Nils A. Voll, f. i Klepp 7-2 1925.
7. Martin O. Torland, f. 12-4 1928.
8. Elbjørg O. Torland, f. 11-10 1931, gift 25-8 1951 med Jens Andersson Øksnevad, f. i Klepp 26-12 1919.
9. Kåre O. Torland, f. 6-5 1933, gift 1959 med Olaug M. Bø, f. i Varhaug 18-2 1934.

93. **Osmund O. Torland**, son til 92., fødd 24-7 1915, — gift 20-4 1946 med Astrid Gjersdal, fødd i Lund 1-2 1918, dotter til Marselius og Hanna Gjersdal i Lund. Osmund tok over Medhodl etter faren. Barn:

1. Ove O. Torland, f. 9-4 1949.
2. Arne O. Torland, f. 22-2 1951.

94. **Trygve Larsson Torland**, son til 79., fødd 23-8 1902. Han tok over bnr. 11-23, Torlandsmyren, etter faren i 1937, saman med søstera Tora Torland.

95. **Ragnvald Torland**, son til Berta Kirstina Torland og Sigfred Sørensen, fødd 27-11 1910 (Torland 79. 2.), gift 1938 med Tilla Bore, fødd i Klepp 28-8 1909, dotter til Per og Tobine Bore. Ragnvald tok over ein part av Torlandsmyren, bnr. 26 - 27, Grevhodl, i 1938. Barn:

Tordis Torland, f. 10-12 1938, gift 1959 med Ole Rimestad (80. 2.).

96. **Ola Nærland Torland**, son til 81., f. 9-2 1907, gift 2-6 1951 med Gudrun Haugland, fødd i Time 26-11 1921. Han tok over bnr. 1 etter faren.

97. **Torger Nærland Torland**, bror til 96., fødd 5-3 1912, gift 7-11 1937 med Helena

Pollestad, fødd 20-12 1917 (sjå Høyland 181. 2.). Torger tok over ein part av farsgarden, bnr. 24 - 25 Solheim, i 1936.

Barn:

1. Maria T. Nærland Torland, fødd 20-2 1938, gift 1957 med Oddvar Steinnes, Varhaug, f. 23-4 1934.
2. Tønnes Nærland Torland, f. 6-5 1943, gift 1966 med Aslaug Alise Knutsen, Klepp.
3. Kjell Nærland, f. 19-3 1950.

98. Tor Nærland Torland, bror til 96. og 97., fødd 12-11 1916, gift 9-11 1946 med Dagrund Braut, fødd i Klepp 9-6 1924, dotter til Gabriel Jonasson Nor-Braut i Klepp og Elisa, f. Solland. Tor Nærland tok over ein part av farsgarden.

99. Knut Torland, son til 87., fødd 8-4 1926, gift 29-10 1949 med Klara Refsland, fødd i Varhaug 9-1 1930, dotter til Peder

og Susanna Refsland. Bur på Torland, bnr. 18, frå 1953. Barn:

1. Terje, f. 5-4 1950.
2. Karin, f. 13-7 1951.
3. Paul-Finn, f. 30-11 1953.

100. Ingebret S. Gausland, son til 83., f. 22-3 1909, gift 22-6 1963 med Målfrid Eikeland, fødd i Hetland. Han tok over faren sitt bruk, bnr. 5.

101. Olaf Lende (89. 2.), f. 23-9 1929, gift 30-5 1964 med Haldis Rettedal. Tok over halve farsgarden.

102. Jon Ragnvald Lende (89. 6.), f. 10-5 1939, gift 31-12 1962 med Solfrid Nederland, Gyland. Tok over halve farsgarden.

103. Ole P. Torland (90. 3.), f. 12-9 1940, gift med Gerd Langholm, Klepp. — Tok over farsgarden, bnr. 6-8-10.

G.nr. 25. Bjorhaug

Bjorhaug hadde ei korn landskuld på 12 spand i 1723. Opphaveleg er vel garden fallen av Bø, gamalnorsk: Bær, som tyder bustad eller gard. Uttalast lokalt Bjårau.

Stavemåten har ymsa frå Bierghøied i 1613, som er første gongen denne garden er nemnd i dei kjeller som er for hand. Bjorhoff (underbruk til prestegarden Bø), Biorhaug i 1668 og Biørhoug i 1723. Garden låg, som nemnt, under prestegarden. Garden ligg til Torland og Bø i nord og aust og delvis sør, mot Skjærpe i vest eller sør-vest og mot Bjorland i nord-vest.

Bjorhaug er ein typisk "heiegard" lynghei med små myrar inn-imillom. Der har vore fleire synlege gravhaugar til våre dagar. Ein er Bjorhaugen, som garden truleg har namn etter. Jærbanen skjer garden i to, men husa og heimebøen er på øvre sida. Kruso er av Bjorhaug og var opphaveleg husmannsplass. Nå er store deler av Nærbø stasjon bygd på Bjorhaug-grunn.

NAMNEREGISTER

1. Johannes Bierghøied
2. Orm Olson Bjorhaug
3. Rasmus Ormson Bjorhaug
4. Elling Johannesson Våland
5. Eivind Jonson Torland
6. Rasmus Jonson Lende
7. Simon Mikkelsen Helland
8. Knut Simonson Bjorhaug
9. Mikkel Simonson Bjorhaug
10. Isak Mathiasson Bue
11. Siver Isakson Bjorhaug
12. Mathias Møller Isakson
13. Ola Gabrielson Gausland
14. Hans Svenson Rosland
15. Ole Gabriel Olson Øksnevad
16. Kristian Sivertson Egeland
17. Tønnes Møller

18. Isak Sivertson Bjorhaug
19. Johannes Kristenson Viste
20. Mathias Møller
21. Alf Bjorhaug
På Solbakken, bnr. 7, har desse butt:
22. Ole Olson Rosseland
23. Gabriel Pedersen
24. Lauretsiur Larsen
25. Hans Omundson Rimestad Njærheim
26. Lars Larsen
27. Benjamin Skjærpe
28. Vilhelm Munkeboe
29. Nils Nilsson Re
30. Karl Elias Gudmestad
31. Norske Ostefabrikker
(Kornelius Olsen)
32. T. Skretting & Co., Stavanger
33. Nærbø Handelslag
34. Nærbø Meieri

1. **Johannes Bierghøied** er kalla "Ødegaardsmand" i 1613. Han skatta 5 dalar. Johannes Biorhoug er nemnd som vitne i ei tjuvsak i 1640. (Sjå Tingb. I side 57.)

2. **Orm Olson Bjorhaug** er nemnd i 1645/1664. — Han var laugrettesmann i 1654/1656. Han skatta y² ort i 1645. Kona er ukjend. Han var 83 år i 1664. Gift 2) med Magla Ellingsdotter. Der var skifte etter han 8-11 1673, og der er **då** nemnde enkja og 7 barn, 2 av første gifte og 5 av andre:
1. Rasmus Ormson Bjorhaug, f. 1625 (3.).
 2. Gunnar Ormson Grønholen.
 3. Kristofer Vigre, f. 1645 (Vigre 14.).
 4. Laurits Ormson, f. 1647, var i Stavanger i 1675.
 5. Knut Ormson, f. 1650, var i kongens tenest i 1675.
 6. Anna Øglænd.
 7. Astrid Ormsdtr., gift 1687 med enkjem. Ingebret Ingebretson Nord Braut. — (Uvisst om det er rett.)

3. Rasmus Ormson Bjorhaug var fødd kring 1625. Han brukte 6 spand. Han er ikkje nemnd ved skiftet etter Orm Bjorhaug i 1675, men eg kan ikkje skyna anna enn at det var han som var gift med Gjøa Halvardsdotter Skeie, som der var skifte etter 23-9 1687. Rasmus levde då, og eg har meint at det var han som framleis var på Bjorhaug i 1701 og var då 87 år gamal, men då heitte han Rasmus Omundson. Der var ikkje barn ved skiftet etter Gjøa, men 2 brør hennar er nemnde, Bård Seland og Laurits Skeie. Rasmus var truleg gift ein gong til, for i 1701 stemnde han Laurits Kvia for ein arv på kona sine vegne. — Han var då kalla Laurits Kvia sin svoger. (Sjå Tingbok II side 173.).

4. Elling Johannesson Våland (Våland 7. 2.), var fødd kring 1678, død 1733, skifte etter han 29-4 det året. Han var gift med Maren Pedersdotter Bø, fødd kring 1700, død 1741 (sjå Bø 26. 1.). Der må ha vore ein eller fleire brukarar på Bjorhaug millom Rasmus Ormson og Elling Johannesson, men ingen andre er nemnde. Elling er nemnd i Futerekneskapen frå 1723, då han brukte heile garden, 12 sp., som Ludvig Schultz eller Bø prestebol åtte. 4 barn er nemnde:

1. Peder Ellingson, f. 1729 (Reime 28.).
2. Kari Ellingsdtr., fødd 1728, gift med Torkel Kristoferson Heien under Serikstad i Time. — Ho tente på Vigre i 1758.
3. Marit Ellingsdtr. var gift i Skien.
4. Guri Ellingsdtr. var død før 1741.

5. Eivind Jonson Torland (Torland 21. 9.), var fødd kring 1707, død 1765, skifte etter han 29-10 det året. Gift 1) med enkja etter Elling Johannesson, Maren Pedersdtr., som der var skifte etter 15-12 1741, gift 2) med Herborg Olsdotter Varhaug, fødd kring 1704, død 1772, skifte 21-10 (sjå Sør-Varhaug 25. 6.). Eivind Jonson byksla dei 12 sp. i Bjorhaug frå 1733 etter Elling Johannesson. — Han hadde 3 barn i første gifte og 2 i andre:

1. Maren Eivindsdtr., f. 1737, gift med Gunnar Pederson Motland (dette kan vera ei mistyding, — men ved skiftet etter Kari Ellingsdtr. Serigstad 21-10 1776, er halvsyster hennar, kalla Maren Evensdtr., Motland).
2. Elling Eivindson Næsheim, fødd 1739 (sjå Næsheim 62.).
3. Marit Eivindsdtr., f. 1734, var død før 1765.
4. Jon Eivindson, f. 1747, død før 1765.

5. Elling Eivindson d. y., f. 1750, død før 1776.

6. Rasmus Jonson Lende var son til Jon Larsson Lende i Time og kona Anna Rasmusdtr. frå Re. Han var fødd kring 1718, d. på Skrudland i Time 1777, gift 1) med enkja etter Eivind Jonson, Herborg Olsdtr., gift 2) med enkja etter Søren Rasmusson Haugland i Time, Marta Larsdtr. Rasmus byksla 12 sp. av Elisabet Diurhuus i 1765. Då Herborg Olsdtr. var død i 1772 flutte Rasmus til Sjursplassen under Skrudland. Han hadde ikkje barn.

7. Simon Mikkelson Helland var son til Mikkal Pederson Store Helland i Time og kona Ingeborg Mikkelsdtr. frå Litle Undheim. Han var fødd i 1751, død 12-4 1818, gift i Time 1772 med Guri Knutsdotter Garborg i Time og kona Guri Hansdtr. frå Risa. Simon byksla 12 sp. av Niels Grøver i 1773 etter Rasmus Jonson. Dei hadde 5 barn:

1. Guri, f. 1772, gift 20-5 1798 med soldat Torsten Olson Rimestad (Rimest. 31.).
2. Mikkal Simonson Bjorhaug, f. 1774 (9.).
3. Knut Simonson Kvia, f. 1776 (Kvia 31.).
4. Ingeborg, f. 1778, gift med Tarald Toreson Skjærpe (Skjærpe 19.).
5. Marta, f. 1782, d. 16-7 1787.

8. Knut Simonson, f. 1776, gift med Malena Larsdtr. Kvia. Han byksla 12 sp. i Bjorhaug av Kastrup i 1800. Då verbrotren Ola Larsson Kvia døde i 1808 flutte han til Kvia og tok over den parten på Kvia av verfarenen.

9. Mikkal Simonson Bjorhaug, son til 7., fødd kring 1774, død 29-3 1850, gift 1802 med Torborg Isaksdtr. Voll, f. i Bjerkreim 1764, d. 10-7 1847, dotter til Isak Ådneson Voll frå Gåsland i Bjerkreim og kona Joron Larsdtr. Gåsland (sjå Voll 43. 1.). Mikkal hadde teke over Voll i 1802, men då broren Knut flutte til Kvia kom han heim og tok over Bjorhaug i 1809. Han hadde berre ei dotter:

1. Kirsten Malena, f. 11-2 1805.

10. Isak Mathiasson Bue var son til Mathias Olson frå Lomeland i Helleland og kona Marta Monsdtr. frå Bue i Bjerkreim. Han var f. på Klungland i Helleland 28-1 1795, d. 27-11 1891, gift 4-4 1824 med Kirsten Malena Mikkelsdtr. (9. 1.), f. 11-2 1805, d. 26-6 1845. Isak byksla 12 sp. av Kastrup i 1834 etter Mikkal Si-

monson. I 1838 fekk han kongeskjøte på dei 12 sp. for 380 spd. I 1836 kjøpte han 6 sp. i Store Motland for 100 spd. (sjå Motland 22.). Isak var sersjant. — Han hadde 7 barn:

1. Sivert Isakson Bjorhaug, f. 2-6 1825 (11).
2. Mathias Møller, f. 27-6 1828 (12.).
3. Mikal Tobias Motland, f. 26-4 1831 (Motland 23.).
4. Maren, f. 19-2 1834, gift 22-11 1855 m. Ola Johannesson Haugland i Time, f. 25-10 1827.
5. Guri, f. 14-3 1837, gift 15-5 1873 med enkjem. Lars Johannesson Haugstad i Varhaug (sjå der 48.).
6. Isak Isakson, f. 30-1 1840. Han var handelsmann i Haugesund.
7. Joakim Isakson, fødd 11-8 1842, gift i Stavanger 17-11 1864 med Regine Petronette Pallesen. — Bakar i Stavanger.

11. **Sivert Isakson Bjorhaug**, son til 10., f. 2-6 1825, d. 22-11 1895, gift 23-3 1847 med Sara Torstensdr. Auestad, f. 7-2 1816, d. 16-5 1901, dotter til Torsten Astjørnson Auestad i Varhaug og kona Ane Berte Pedersdr. Aniksdal (Auestad 29. 3.). Sivert kjøpte 5 sp. av faren i 1861 for 100 spd. + halv følge. I 1895 selde han det meste av bumarka til jernbanen. Han hadde først butt på Motland og så ei tid på Søyland og Næsheim før han kom til Bjorhaug. Dei fekk 5 barn:

1. Isak, f. 17-12 1848, d. 1-3 1849.
2. Isak, f. 15-10 1850, d. 8-4 1953.
4. Kirsten Malena, f. 18-10 1853, gift med Peder Larsson Primstad i Varhaug (sjå Primstad 17.).
5. Torsten, f. 13-9 1857, d. 3-7 1862.
6. Isak Bjorhaug, f. 9-8 1861 (18.).

12. **Mathias Møller Bjorhaug**, — bror til Sivert, f. 27-6 1828, d. 27-5 1891, gift i Klepp 17-5 1859 med Grete Malena Toresdr. Orstad, f. 6-11 1830, d. 16-5 1920, dotter til Tore Toreson Orstad i Klepp og kona Gunhild Malena Johannesdr. Mathias Møller var sersjant liksom faren. Han kjøpte 6 sp., halve garden, av faren i 1852 for 200 spd. + følge. Dei fekk 5 barn:

1. Tønnes Møller, f. 30-1 1860 (17.).
2. Isak, f. 9-10 1862, gift 1) med Jorine Toresdr., gift 2) 16-3 (23-8) 1903 med Lava Jorine Ivarsdtr. Kleppe, f. 1874. Budde på Lunde i Høyland, seinare på Orstad i Klepp.
3. Kirsten Malena, f. 27-5 1865, d. 1-3 1887, ugift.

4. Grete Malena, f. 23-9 1869, d. 4-6 1889, ugift.
5. Mathias Møller, f. 23-9 1869, gift med Ingeborg Vagle. — Budde på Vagle i Høyland.

13. **Ola Gabrielson Gausland** (Gausland 21. 1.), f. 14-3 1819, d. 15-2 1903, gift 1) 12-4 1860 med Guri Olsdr. Njølstad, f. 4-11 1822, d. 5-5 1867 (Njølstad 11. 2.), gift 2) 5-7 1869 med Elen Eivindsdotter Høyland, f. 31-3 1817, d. 20-12 1885 (Høyland 69. 9.). Ola kjøpte Kruså, som var 1 sp. av Isak Mathiasson i 1861 for 150 spd. I 1880 selde han til Hans Svenson Rosland. 3 barn av første gifte fødde på xxxil^{oo}.

1. Gabriel, f. 11-6 1861.
2. Anne Berte, f. 22-7 1863, d. 7-7 1887.
3. Ola, f. 12-9 1866.

14. **Hans Svenson Rosland** — var son til Sven Eivindson Rosland i Klepp frå Lye i Time og kona Kirsten Gabrielsdr. Han var f. på Re i Time 26-6 1851, gift i Klepp 21-10 1879 med Elisabet Kirstina Mathiasdr., f. på Høyland 14-1 1853, dotter til Elen Eivindsdr. Høyland, andre kona til Ola Gabrielson, og Mathias Møller Bjorhaug. Det gjekk ut med Hans, og i 1885 kjøpte Ole Gabriel Olson Øksnevad Kruså. Dei fekk ikkje barn på Kruså.

15. **Ole Gabriel Olson Øksnevad** kjøpte Kruså i 1885 med skjøte frå Ola Gabrielson for 800 kroner + følge til selgeren og kona. I 1887 kjøpte Kristian Egeland Kruså og Ole Gabriel kom til Bjorland og seinare Næsheim.

16. **Kristian Egeland** var son til Sivert Erikson Ur-Eikeland i Høyland og kona Rakel Einarsdr. Areskjold. Han var f. 21-1 1856, d. 13-3 1922, gift 16-10 1885 med Karen Elisabet Gunnarsdr. Kverme, f. i Ognå 1865, d. i Montana 1940, dotter til Gunnar Børildson Kverme og kona Karen Elisabet Salvesdr. Kristian for til sjøs i ungdomen. Sidan dreiv han som heiegjætar. I 1887 kjøpte han Kruså av Ole Gabriel Øksnevad. Der budde han til han døde, med undantak av eit år (1892) då han var på Risa. Det året var **Karl Gabrielson Frøyland** (Den kåde) på Kruså (sjå Lindal 26.). Kristian var fleire turar i Montana etter han var komen til Kruså. Der dreiv han som sauegjætar. Dei fekk 9 barn:

1. Gunder, f. 10-1 1886, gift og bur i Montana.
2. Regina, f. 17-2 1887, d. i Montana. Ho

var gift 1) med Bernhard Solberg, gift 2) med Robert Fergus, d. 1932. Sauer-eigar i Montana.

3. Sivert, f. 1888, gift og bur i Kansas, USA.
4. Kristian, f. 7-8 1891, gift i Montana
5. Karl, f. 28-1 1893, gift i Montana.
6. Klara, fødd 20-5 1896, gift med prest Cornelson i N. Dakota.
7. Gustav, f. 14-2 1900, gift med Maria Indrebø. I Montana.
8. Bernhard, f. 14-2 1900, d. 26-7 1905.
9. Edvard, f. 1-8 1901. Bur i Alaska.

Då Kristian var død reiste enkja og dei 2 yngste sønene, som ennå var heime, til Montana.

17. **Tønnes Møller**, son til 12., fødd 30-1 1860, død 12-11 1922. Gift 17-5 1890 med Berta Karina (Kaja) Berntsdtr. Håve, f. i Høyland 22-1 1859, d. 12-11 1922, dotter til Bernt Berntson Håve og kona Maria Toresdtr. Orstad. Dei var syskenbarn. Tønnes Møller var sersjant liksom faren og farfaren. Han var mykje med i bygdestyre og var fleire gonger varaordførar. I 1892 tok han over bnr. 2 etter faren. I 1899 selde han mykje av bumarka til Kornelius Olsen i Stavanger som bygde og sette i gang "Norsk Oste-fabrik" på Nærbø Stasjon. Dei fekk 6 barn:

1. Gina Møller, f. 1890, d. 16-4 1946, gift med Jon Vigre (sjå Vigre 54. 5.).
2. Maria Møller, f. 19-1 1891, d. 17-3 1963. Ho var mange år krambugjenta ved Nærbø Handelslag
3. Magna Gustava Møller, f. 14-6 1893, d. 24-3 1963.
4. Klara Møller, f. 10-10 1895, gift med lærar Øystein Berdal. — Ho har vore skulelærar.
5. Margit Møller, f. 24-3 1897, gift 13-1 1931 med lærar Dagfinn Sagevik. Ho har vore lærar i Nærbø.
6. Mathias Møller, f. 19-8 1899, d. 19-9 1959, gift 23-11 1924 m. Maria Larsen, f. 20-2 1900 (sjå Skjærpe 43. 5.). Han tok over bnr. 2 etter faren i 1923.

18. **Isak Sivertson**, son til 11, f. 9-8 1861, d. 30-3 1938, gift 19-2 1896 med Grete Olsdotter Tjåland, fødd i Time 5-8 1871, død 5-12 1913, — dotter til Ole Andreas Olson Tjåland og Kona Rakel Kristina Ellingsdtr. Tjåland. Isak BJORHAUG var nokre år i Amerika. I 1895 kom han heim og tok over bnr. 1 etter faren. — Attåt gardsbruket dreiv han mange år som kjørar for Nærbø Meieri og Nærbø Handelslag. Som me såg under nr. 11, hadde

faren selt mykje av bumarka. Isak kjøpte seinare att ein part av grannebruket, bnr. 10 Bø. Dei fekk 6 barn:

1. Selma Theresia, f. 23-5 1897, d. 1948, gift med Knut Torstenson Ritland, f. i Sauda.
2. Rakel Kristina, f. 19-4 1899. Bur på BJORHAUG.
3. Gudrun Ivarda, f. 27-6 1901. Bur på BJORHAUG.
4. Sivert BJORHAUG, f. 12-8 1906.
5. Alf BJORHAUG, f. 19-5 1910. Han tok over bnr. 1 i 1938 etter faren.
6. Torbjørg, f. 21-1 1913, gift med Torleif Fossen, Oslo.

19. **Johannes Kristenson Viste** var fødd i Randaberg 6-12 1879, død 22-4 1949, gift 1) med Anna Kristine, gift 2) med Udbjørg Endresdtr., f. i Strand 1892, d. 17-1 1923, gift 3) 1910 1930 med Sigrd Sofie Skåland, f. i Helleland 11-9 1900, dotter til Steffen Jensson Skåland og kona Anne Sofie. Johannes Viste kjøpte Kruså. — Barn:

2. Karen, f. 23-8 1903, gift 16-4 1932 med Alfred Bjorland (Bjorland 29. 2.).
3. Klara, f. 9-8 1906, gift 1928 med Kornelius Aksdal, f. i Stavanger 28-6 1903. Bur på Tvihaug i Varhaug.
4. Endre Viste, f. 1916 (sjå Nærbø 162.).
6. Anna Sofie, gift med Inge (Håland, Varhaug 98. 10.).

20. **Mathias Møller**, son til 17., fødd 19-8 1899, død 19-9 1959. Gift 23-11 1924 med Maria Larsen, fødd 20-2 1900 (Skjærpe 43. 5.). Mathias tok over bnr. 2-8 etter faren i 1923. Barn:

1. Kjellfrid Møller, f. 8-4 1926, gift 1-8 1947 m. Trygve Kvia (Skjærpe 52. 7.).
2. Bjørg Møller, f. 19-4 1930, gift med Ivar Dubland, Varhaug, f. 10-3 1926.
3. Liv Møller, f. 19-4 1930, gift 3-11 1951 med Gunleiv Lerbek, Varhaug.
4. Toralf Møller, f. 22-4 1932, gift 30-4 1954 med Randi Ånestad, f. i Varhaug 9-5 1934 (Ånestad 110. 9.).
5. Gaute Magne Møller, f. 26-2 1934, gift 30-7 1960 med Asa Salte, f. i Nærbø 16-2 1940.

21. **Alf BJORHAUG**, son til 18., fødd 19-5 1910. Han tok over bnr. 1 etter faren i 1938.

På Solbakken, bnr. 7 har desse butt:

22. **Ola Olson Rosseland** var son til Ola Andreasson Rosseland i Time, f. Bråstein. Han var fødd 18-3 1857. Gift 8-4 1881 med

Ane Abrahamsdotter, dotter til Abraham Pederson Line og Karen Monsdtr., f. Line. Ola Rosseland var banevaktar. — Han kjøpte i 1888 "Solbakken", ein part av Bjorhaug, men flutte til Sandnes i 1895. Dei fekk 8 barn — 3 av dei fødde på Bjorhaug:

1. Ole Rosseland, f. 2-10 1881, gift med Lina Egelanddal.
2. Anna, f. 1883, gift m. Jørgen Rostrup, Sandnes.
3. Andreas, f. 1886, d. 1907.
4. Karen Rosseland, f. 5-7 1888, gift med Xvcii* Silseth
5. Alette Rosseland, f. 20-10 1890, d. 24-10 1951, gift med Rolf Sivertsen.
6. Malena Rosseland, f. 26-5 1894, gift med Mikkel Haugen.
7. Olav Rosseland, f. 12-10 1896, gift m. Dorthea Malmin.
8. Magnus Rosseland, f. 1901, d. 1907.

23. **Gabriel Pedersen** var fødd i N. Undal (Audnedal) i 1855, son til Peder Olson Leland. Gift i Nærbø 10-9 1891 med Inger Eivindsdotter Årestad, fødd i Time 14-11 1860 (sjå Skretting i Varhaug 70. 5.). Gabriel Pedersen var skreddar og urmakar. Kring 1895 kjøpte han Solbakken av Ola Rosseland, men selde seinare til Larsinius Larsen og budde sidan ymse stader på Nærbø og ei tid på Sørlandet. Dei hadde 2 barn:

1. Peder Emil Pedersen, f. 1896.
2. Eivind Pedersen, fødd på Nærbø 17-1 1898.

24. **Larsinius Larssen** var f. i Stavanger i 1872. Gift i Time med Rakel Malena Gabrielsdotter Eikeland, fødd i Time 9-3 1875, dotter til Gabriel Torgerson Eikeland, f. Salen og kona Berta Reiarstr., f. Eikeland. Larsinius Larsen var maskinist ved Kornelius Olsens Norsk Ostefabrik på Nærbø. Han kjøpte Solbakken av Gabriel Pedersen i 1899. — 6 barn, 4 fødd i Nærbø:

1. Sigurd Larsen, f. i Stavanger 1897.
2. Ludvig Larsen, f. i Stavanger 1899.
3. Gyda Larsen, f. på Nærbø 13-9 1903.
4. Lola Larsen, f. 30-8 1905.
5. Frida Larsen, f. 13-11 1907.
6. Alma Larsen, f. 13-7 1910, gift med Sverre Opstad (Nærbø 46. 8.).

25. Hans Omundson Rimestad (Njærheim 114.), kjøpte Solbakken av Larsinius Larsen kring 1915 og selde til smed Lars Larssen.

26. Lars Larsen, fødd i Egersund 1892,

son til sjømann Jon Larsen og kona Anne Gurine. Gift. 5-12 1914 med Inga Bertine Skjærpe, fødd 5-4 1891 (Skjærpe 34. 10.). Lars Larssen var smed hjå F. A. Underhaug. Han kjøpte Solbakken, bnr. 7, av Hans Rimestad i 1917 og selde til verbroren Benjamin Skjærpe i 1918. Budde så ei tid på Bø, Rokroi bnr. 76, og sidan på Klepp og Vigrestad. Han kjøpte hus på Nærbø stasjon, og har vore smed hjå Reime & Co dei siste åra. Barn:

1. Ingeborg Marie Larsen, f. 22-10 1915, gift 28-10 1933 med Ragnvald Engelsen (Store Håland 40.).
2. Anne Gurine (Guri) Larsen, f. 21-8 1917, gift med Ingvald Stokka i Høyland.
3. Jon Larsen, f. 8-6 1919, gift med Tordis Øverland Rasmusen, f. på Moi i Lund. Han er bakar på Nærbø.
4. Bertel Skjærpe Larsen, f. 14-1 1922. Murar m. m.
5. Ole Andreas Larsen, f. på Vigrestad, gift med Signy Aadnesen.

27. **Benjamin Skjærpe** (sjå Skjærpe 49.), kjøpte Solbakken, bnr. 7 av Lars Larsen i 1918, etter han hadde seldt Skjærpe til prestegard for Haa. Selde sidan til Vilhelm Munkebo og kjøpte gard på Kvia (sjå der 75.).

28. **Vilhelm Munkeboe**, fødd i København 18-6 1889. Gift 20-10 1920 med Hanne Bertine Næsheim, fødd 17-1 1880 (sjå Næsheim 110. 2.). — Vilhelm Munkeboe kjøpte Solbakken av Benjamin Skjærpe i 1920. Selde sidan til Nils Re og kjøpte ein plass, bnr. 8 Trekanten. Munkeboe var mange år fjosmann på Næsheim. Dei var barnlause.

29. **Nils Re**, son til Nils Salomonson Re i Time og kona Malena Abrahamsdtr. f. Line, søster til Ane Abrahamsdtr. (22.). Nils Re er fødd 25-9 1891. Gift 1) med Bertine Salte, fødd i Klepp 29-11 1885, dotter til Ole Olson Salte og kona Anne Berte Johannesdtr., f. Høyland i Nærbø (Høyland 96. 2.). Gift 2) 15-8 1961 med Guri Åsen, fødd i Time. Nils Re kjøpte Solbakken bnr. 7, av Vilhelm Munkeboe i 1928. Selde seinare til Nærbø Handelslag. Barn i første gifte:

1. Magnhild Re, f. 7-12 1912, gift 25-9 1943 med Olaf Lode (Lode 108.).
2. Olaf Re, f. 13-8 1914.
3. Nils Re, f. 3-4 1916.
4. Alf Re, f. 25-10 1917, gift 1944 med Agna Dubland.
5. Borghild Re, f. 17-7 1919, gift 23-9

- 1950 med Odd O. Njærheim (Njærheim 155.).
6. Norvald Re, f. 3-3 1921.
 7. Ingvald Re, f. 25-11 1922.
 8. Selma Re, f. 27-9 1924, gift 6-4 1954 med Erling Høyland (sjå Høyland 184. 8.).
 9. Einar Re, f. 1-2 1926, gift 1960 med Magnhild Lobekk, Ganddal.
 10. Trygve Re, f. 5-8 1927.
 11. Magne Re, f. 28-9 1928.
 12. Torleif Re, fødd 30-7 1933, gift 1960 med Aane Benedicte Jakobsen, Stavanger.
- 30. Karl Elias Gudmestad** (Gudmestad 46. 7.), fødd 22-1 1897. Gift 17-9 1921 med Hilda Sofie Haugland, fødd i Fjalar 2-9 1898, dotter til Martinius og Henrikke Haugland, d. 12-3 1968. Karl Gudmestad er målar. Han har hus og grunn på Bjorhaug, Solbakken bnr. 16. — Barn:
1. Bjarne K. Gudmestad, f. 14-11 1921, gift 13-4 1945 med Karoline Sørland.
 2. Martin Gudmestad, f. 29-11 1922.
 3. Henry Gudmestad, f. 7-1 1925, gift 1949 med Astrid Mæland, Stavanger.
 4. Kåre Gudmestad, f. 22-11 1926, gift med Torfrid Herigstad.
 5. Kari Gudmestad, f. 16-12 1927.
 6. Haldis Gudmestad, f. 22-7 1930.
 7. Tor Gudmestad, f. 22-8 1932, d. 15-4 1969.
 8. Oddfrid Gudmestad, f. 2-10 1934.
 9. Synnøve Gudmestad, f. 17-11 1936, gift 1-12 1954 m. bakar Martin Gravdal, f. 2-10 1935.
 10. Evelyn Gudmestad, f. 8-4 1939.
 11. Jonas Emil Gudmestad, f. 10-8 1941.
- 31. Norske Ostefabriker — (Kornelius Olson)**, kjøpte ein part av Bjorhaug i 1898, bnr. 4.
- 32. T. Skretting & Co**, Stavanger, kjøpte bnr. 4 av Kornelius Olsen.
- 33. Nærbø Handelslag** kjøpte i 1951 10 mål til byggegrunn — ein parsell av T. Skretting, bnr. 25, ein parsell av M. Møller, bnr. 20, og ein parsell av Nils Re, bnr. 19.
- 34. Nærbø Meieri** har kjøpt til byggegrunn av garden Bjorhaug, ialt omlag 17 mål, bnr. 26 (omlag 13 mål), bnr. 57 (2.310 mål) og bnr. 58 (av Gabriel Underhaug, 1,6 mål).
- Seinare er storparten av Bjorhaug-markene og mykje av bruksjorda, truleg meir enn halve garden, selt og utlagt til tuftegrunn for industri, skule, idrett og privatbygg. På det viset kan det ikkje vara lenge før heile garden går i hundane. Men fabrikk-Norig vil ha det slik. Me legg jorda øyde og byggjer fabrikk-slott og luksus-hus til fabrikk-trælane, og byter fabrikk-varene våre for utanlands mat og det meste av det me treng, og helst ikkje treng, til naudturft og næring for likam og liv. Det tykkjest meg lite framtenkt. Me burde lagt større vikt på matproduksjon heime og mindre på å skaffe oss luksus av alle slag frå utlandet. Ingen veit i dag kva morgondagen fører med seg av krig og svolt og naud. Vona er god, men vissa er betre. Gjev vona må halda, om vissa er aldri så vesal.

G.nr. 26. Bø

Bø eller Bøe

kjem av gamalnorsk Bær = gard.

Bø hadde 6 pund korn landskuld. Av det låg 2 pund til Haa prestebol, 2 pund til Halsnøy Kloster og 2 pund utskuld odelsgoods. På Bø stod kyrkja frå gamalt, og presten budde der til kring 1600 og kanskje noko seinare. I heiden tid var Bø offerstad for guden Ull, som vel hadde sitt hov på Ullaland (nå uttala Udland). Der finst mange gravhaugar på Bø. Ein av dei største ligg på Ullaland. Ein annan er Dyrshaug, som og er ein stor haug. Bjorhaug og Bjorland er opphaveleg utsprungne frå Bø.

Bø var namnet på hovedsokna i prestegjeldet, som og opphaveleg heitte Bø. I 1835 eller så vart Bø sokn og Nærem sokn samanslegne og kalla Nærbø. Då vart og Bø- og Nærem-kyrkjene revne, og ei ny, Nærbø Kyrkja, bygd på Skjærpe. Bø-garden har det største jord-areal i Nærbø, og strekkjer seg frå Nærbø stasjon og Torland til Våland. Ein stor part av garden er nå lagd under Nærbø stasjon, og denne underleggjinga går nå for seg i større og større tempo. Store vidder av garden ligg ennå for fefot, og er tung å kultivera, ettersom der finst store mengder gråstein. Men jorda er for det meste god, og gjev gode avlingar når ho kjem under kultur.

Tri stader på Bø stikk små berg opp: Skjeraberget, Skatteberget og Støeberget. Mange stader er og jorda mykje bakk-lendt, mest langst Bødalen som munnar ut ved Nærbø stasjon på Skjærpe. Her heiter det Dalane.

B O

To brev:

Ollom etc bekiendis Jon Aamundsen paa Bø, och Ellend Aamundsen at anno domini 1592 at haffue solt til Anders Ol-

luffsen, deris frende paa Mossafinnen, halffue Dagestad etc for XXXVI gamble daler med skyttings Øyre etc.

Schreffuit paa Jedderen paa Bø 1592. (aff Hr. Schn. copier)

Bekiendis N. N. Gitleiff paa Gudmundstadt, Suend paa Tiemslandt, Tosten paa Hougne, Olluff paa Bø alle Iffuers sønner, for sig och sine søstre, Marithe, Marie, Valbor, Magdelon, at de selge Anders Olluffs søn paa Mossafinnen paa Vang i Vangs Kierke sougn, deris odals jord Dagestadt, baade dend litle oc dend møchle som de arffuede epter derris fader Iffuer Aamundsen for femten oc tiuffue gode gamble daller met skyttings oura rentende ein løb oc fire saald korn med beseglet Hr. Niels Morthensøn, Sougneprest til Tinnen (Time) preste giæld, schreffuet paa Bye (Lye) prestegaard i Tinnen sogn paa Jedderen i Hougs preste-giæld (Skipreide) 8 jan. 1593. (Aff Hr. Sch. copier)

NAMNEREGISTER


1. Halfdan
2. Haluard
3. Thorbiørn
4. Ramundt (Aamundt?)
5. Berliødt
6. Siridt
7. Biørn
8. Olluff
9. Jon Omundson
10. Jakob Bø
11. Olluff Dalbø (Dalbu?)
12. Helge (Helle Hallau?)
13. Børild (Olson)
14. Rukus Bø
15. Olluff Lauritsson
16. Laurits Olson
17. Oerm (Olson)
18. Giermund Bø

19. Asbjørn Olson
20. Erik Olson Bø
21. Omund Jonson
22. Halvard Olson
23. Kristen Kristenson
24. Tarald Olson
25. Ola Taraldson
26. Peder Josefson Lende
27. Rasmus Ellevson Kvia
28. Ola Asbjørnson
29. Gunnar Asbjørnson
30. Kristen Paulson Opstad
31. Jon Omundson
32. Jon Toreson Hauge
33. Tore Anfinnson Næsheim
34. Torjus Pederson
35. Asbjørn Gunnarson
36. Simon Svenson Tjensvoll
37. Helge Torstenson Risa
38. Nils Erikson Laland
39. Josef Olson Bø
40. Kristen Simonson
41. Sven Simonson
42. Josef Pederson Bø
43. Ola Rasmusson
44. Gitle Pederson Åse
45. Ola Stigson
46. Ola Rasmusson Håland
47. Ola Olson d. e.
48. Kristofer Rasmusson
49. Halvar Rasmusson Undheim
50. Gunnar Asbjørnson Bø
51. Eivind Eivindson Bø
52. Peder Toreson Bø
53. Ola Erikson Hårr
54. Nils Olson Bø
55. Ola Olson d. y.
56. Rasmus Olson
57. Helge Svenson Opstad
58. Ola Rasmusson Lindal
59. Josef Olson d. y.
60. Asbjørn Gunnarson Bø
61. Helge Asbjørnson
62. Omund Nilsson Bø
63. Ola Olson (Høyen)
64. Mons Monsson Bjorland
65. Jon Gunnarson Aniksdal
66. Rasmus Hansson (Reime)
67. Jon Tjølsen (Nærland)
68. Tore Rasmusson Bø
69. Halvar Nilsson Næsheim
70. Hans Ellingson (Rugland)
71. Rasmus Olson Grøtheim
72. Rasmus Olson (Jossep-Rasman)
73. Reiar Tollakson Grøtheim
74. Ola Olson Gjero
75. Nils Omundson Gjero
76. Rasmus Rasmusson d. e.
77. Sven Omundson
78. Ola Helgeson
79. Lars Skiljanson Løgestein
80. Elling Hansson
81. Jonas Jonson Bø
82. Lars Eliasson Dysjaland
83. Asbjørn Rasmusson (Skjærpe)
84. Helge Rasmusson Bø
85. Jon Hansson Løgestein
86. Helge Olson Bø
87. Rasmus Rasmusson Skjeraberget
88. Omund Svenson Bø
89. Ola Jonson Næsheim
90. Tønnes Svenson Bø
91. Johannes Gabrielson Skrudland
92. Lars Gabrielson Braut
93. Gabriel Gabrielson Gruda
94. Omund Ellingson
95. Hans Ellingson
96. Gabriel Eivindson Mossige
97. Lars Olson Høyland
98. Hans Jørgen Gabrielson Gruda
99. Rasmus Rasmusson (Rokka-Rasman)
100. Ola Rasmusson (Jossep-Ola)
101. Nils Rasmusson Bø
102. Ola Olson Spogarhodl
103. Osmund Johannesson Garborg
104. Kristian Larsson Nord-Varhaug
105. Peder Jonson Løgestein
106. Tobias Nilsson Orstad
107. Sven Helgeson Bøbakkane
108. Endre Svenson Gausland
109. Omund Svenson Gausland
110. Abel Sivertson
111. Mikal Gabrielson Skjæveland
112. Gabriel Torgerson Edland
113. Ola Hansson Årre
114. Ola Svenson (Adlesta)
115. Martin Andreasson Dalane
116. Lars Jonasson
118. Ingvald A. Søyland
119. Ola O. J. Våland
120. Karl Olson Lende
121. Morten Nilsson
122. Rasmus Helgeson
123. Henrik Helgeson
124. Karl Helgeson
125. Rasmus R. Bø
126. Martin Edland
127. Jon Jonasson
128. Sem Nilsson
129. Enok Hansson
130. Marselius Olson
131. Tobias Tønnesson
132. Tobias Helgeson
133. Ola Jakobson Indrebø
134. Olai Olson Dalane
135. Abraham Tunheim
136. Ola Andresson Undheim
137. Arnt Undem
138. Ola Omundson Haugland
139. Omund Andreas Skår
140. Tobias Røderullen

141. Rasmus Mikkelson Opstad
142. Edvin Peerson Ertkem
143. Eivind Årrestad
144. Rasmus T. Skrettingland
145. Mons Jonasson
146. Ole Tønnesson Håland
147. Retshius Torgerson
148. Johannes Line
149. Enevald Opstad
150. Jeremias Torgerson
151. Tønnes T. Rangen
152. Ola Heigrestad
153. August Johan Opstad
154. Omund Garborg
155. Thor Thorsen
156. Ole O. Engelsvoll
157. Tobias Nilsson
158. Ole Johan M. Bø
159. August Johan A. Bø
160. Ole Karlson Bø
161. Torgeir Edland
162. Omund Skår
163. Tobias Tørresson Undheim
164. Jakob Indrebø
165. Ivar M. Bø
166. Lars L. Løgesteinen
167. Peder Risa
168. Klara Bø Wohlgefahrt
169. Magnus Rangen
170. Jonas J. Bø
171. Nils S. Bø
172. Ole H. Bø
173. Anna og Malena Bø
174. Leiv Gausland
175. Kristian Fuglestad
176. Andreas Torland
177. Ragnvald Engelsvoll
178. Berner og Olav Engelsvoll
179. Søren Undheim
180. Johan Line
181. Karl Johan Bø
182. Torvald Gudmestad
183. Arne A. Bø
184. Karl Wohlgefahrt
185. Karl O. Bø
186. Nils T. Bø
187. Ola T. Bø
188. Sven P. Risa
189. Martin Edland
190. Bård Edland
191. Torgeir Berge Edland
192. Erik Opstad
193. Kirsten Grødem
194. Ola Ask
195. Omar Andreas Lund
196. Sigurd Haugland
197. Karl Johan Gausland
198. Aksel Skåland
199. Mohn Øksnevad
200. Johan I. Salte
201. Odd Skår

202. Marselius I. Bø
203. Ivar I. Bø
204. Magne O. Bø
205. Johan Opstad
206. Sem Salte
- 206B. Kåre Skipsgård
207. Maria Ueland
208. Arne Ueland
209. Kristian Gauksås
210. Holger Bore
211. Nikolai Berntsen
212. Torger M. Edland
213. Torgeir B. Edland
214. Odd Edland
215. Tor Edland
216. Terje O. Bø

Bumerke.



Gitle Gudmestad 1610 Jon Osmundson Bø 1591/1610 Asbjørn Bø 1634



Erik Bø 1634 Orm Bø 1634 Børild Bø 1634 Omund Bø 1634

Hr. Orm var truleg son til Hr. Ivar som var prest på Voss. Orm Ivarson var avla med frilla Steinvor Brynjulvsdotter, som av Ivar fekk garden Dagestad på Voss. Orm hadde pantsatt Dagestad til ein som heitte Erik Ormson. I 1539 stemmer Jens Richardson, som og var son til Steinvor, Erik Ormson i Stavanger og kravde Dagestad for seg. Det vart dømt at garden skulle høyre til Jens Richardson, og Orm sine arvingar måtte skrive frå seg retten. Dei fekk dette godtgjort. Jon Aamundson Bø og Erlind Aamundson fekk 36 dalar for helvta, og Ivar Aamundson sine arvingar (han var død) fekk 35 dalar for andre helvta. Dette kaupet gjekk for seg i 1592, meir enn 50 år etter at domen var sagt, og han som kaupte var Anders Olufson på Mossafinnen.

I 1519 er nemnde 3 oppsitjarar på Bø:

1. Halvdan.
2. Haluard.
3. Thorbiørn.

I 1563 er nemnde 4.

4. Ramundt (skal kanskje vera Amundt).

— I så fall kunne han vore far til Jon Omundson Bø, Erlend Omundson Vestly og Ivar Omundson som er nemnde i breva framme i avsnittet. Han kunne då ha vore sone-son eller dotter-son til Orm Ivarson. Ramundt skatta 3 ort i 1563.

5. Berliødt (kanskje Bergljot), skatta 1 lodd sylv og brukte iy2 vett = 9 spand korn landskuld.

6. Siridt (kanskje Siri eller Sigrid), skatta 2 lodd sylv.

7. Bjørn skatta 3 ort og brukte eller åtte v_z vett i 1563.

8. Olluff skatta 1 dalar i 1563 (var han kanskje den Olluff Ivarson som er nemnd i brevet av 1593? Då er det truleg at han var far til dei som er nemnde under bumerka frammanføre):

1. Asbjørn Bø (sjå 19.).
2. Erik Bø (20.).
3. Orm Bø (17.).
4. Børild Bø (13.).

og kanskje 5. Halle eller Halvard Bø (22.). (Olluff levde i 1623 og 1645 og budde då hjå sonen Asbjørn. Men han heitte nok Olluff Larsson og ikkje Ivarson, og det var han som var far til dei ovanfor nemnde 5 barna.)

9. **Jon Omundson** kunne vore son til 4. Jon Bø var med i hyllingshirden for kong Kristian i Oslo i 1591. Han er og nemnd som lagrettesmann i 1617. På tinget 4-2 1617 skulda han Karen Nilsdotter Bø for at ho hausten før hadde "ifraastollen hannom 7 banndt kornn aff hanns agger." Hans son var: Omund Jonson Bø (21.). — Om han hadde fleire barn er uvisst. Men det er mulegt at han var far til Orm Jonson Bjorland, og hadde kanskje og ei dotter, Eli eller Kari, som var gift med Eivind Håvardson Ødemotland.

10. Jakob Bø er nemnd 1602/03. Han kom visst seinare til Njølstad (sjå der 3.).

11. **Olluff Dalbø** eller Dalbu er nemnd saman med Olluff (8.) i 1602/03. Han har me ikkje meir kjenskap til.

12. Helle Bø (er og kalla Helge, Halle og Halvard) var son til 8. Han er nemnd i skattemanntallet 1603. — Då heitte han Helge.

13. Børild (Olson) var truleg og son til 8. Han hadde B.O. i seglet og er nemnd 1613/34. Han la 1 vett i leidingskatt i

1624 og brukte prestegodset på Bø saman med broren Orm. Til skipreide-tinget på Reime 27. november 1643 hadde Børild Bø stemnt brørne sine, Asbjørn og Halle Bø, for eit pund korns landskuld i Bø, som han meinte var far deira sin odel, og som han meinte at han (Børild) som eldste bror, "efterdj hand er boesleden och huuszvild, at vehre nest til besiddelse." Broren Asbjørn sa, at Børild ikkje hadde arva noko åsæte i Bø, og at han (Asbjørn) ikkje plikta å gje frå seg sitt eige gods til han. Og sidan han (Børild) ikkje åtte noko i godset, hadde han heller ikkje åsætesrett til det. — Retten avsa denne dommen: "— Effterdj deres fader er endnu i liffue, som har hans ophold aff hans sønn Asbiørn, Børild ehr och aldeelis intet til eigendomb eigendes udj Bøe, men dend ringe part hand derudj var arffalden, det har hand sold hans broder Asbiørn, och betallingen effter hans egen bekiendelse derfor oppeboren, Thj veed vj iche att Børild noget aasede paa det godtz hand iche eiger kand vere tilberettiget, men Asbiørn sin jord sielff u-behindret at nyde och beholde." Seinare er ikkje Børild nemnd, så han er truleg død barnlaus.

14. **Rukus Bø** er nemnd i skattemanntallet 1613. — I 1617 vitna han i saka mot Karen Nilsdotter (sjå 9.). Kven denne Rukus Bø var er uvisst. Heller ikkje veit me om han hadde kona og barn.

15. **Olluff Laursson** var og vitne i tjuvsaka mot Karen Nilsdtr. i 1617. Det er mest truleg at han var den same som 8.

16. **Laurits Olson** gav eit halvt vett i leidangskatt i 1624. Det må ha vore han som var gift med den nemnde kona Karen Nilsdotter, slik det går fram av ei sak som var for retten i 1623, der det heiter: — "Hr. Christen paa Haae haffde med bonde-lensmands steffningh udj Rette steffnet Lauritz Oellsen paa Bøe, fordj hand først iche haffuer forleden aar betalt sin landschyld, dernest fordj hand iche leyet sin gaard igienn udj trende maale. 3: fordj hand haffde ladet slaae aff andre sin engh og sa sin jord, huilket forne Hr. Christen med Omund Bøe, Olluff ibid. Asbiørn ibid. och Børild och Joen ibidem, for Retten beuiste, huilke klagede haardeligen offuer hans huustroe, at hun iche var grandhefft, som och meenige allmue i liigemaade haffuer bekiendt. Thill huilken steffningh forne Lauritz iche møtte, enten paa hen-

dis vegne eller paa sin egen." Laurits var dømd til "førsthollendis fardag at rømme sin gaard, sønderlig effterdj hans huustroe iche er grandhefftd och tillfom tildømppt at schulle miste sin huud for horerie och tyffuerie, och hun siden rømme lehnet, uden Øfrigheden vil henne benaade." — Av dette skynar me at Laurits var bykslemann på prestejorda. Det er lite truleg at han kunne vore son til Olluff Laursson. Kvar det seinare vart av han er uvisst. Me veit heller ikkje om dei hadde barn.

17. Orm Olson var sin til 8. Han gav IV₂ vett leidangskatt i 1624. I 1617, på skipreidetinget på Kvia den 4. februar — "affsonnid Knud Gudmundstadt, på Orm Bøes vegne, for et mundslagh hannd haffde slagen hans grandequinde, Karen Nielsdatter ibm. schall derforø bøde til Kong: Mayst: ij = 2 daller at betaille." Noko meir om Orm Olson Bø veit me ikkje visst. Men truleg var det han som seinare budde på Bjorhaug (sjå der 2.).

18. Gjermund Bø er nemnd i 1563. Han åtte 5 vett og gav 2y₂ dalar skatt.

Desse åtte gods i Bø i 1626, som dei gav leidang for:

Erik Skretting sine barn, 2y₂ sp. leidang.
Karl Sør-Reime, 2 spand.
Omund Bø, iy₂ pund.
Jon Nærland, 1 vett.
Omund Bore sine barn, 2 spand.
Asbjørn Bø, 9 spand.

19. Asbjørn Olson Bø er nemnd under 8. 1. Han åtte 9 spand odelsgoods som han gav leidang for i 1624. I 1645 er han oppført med kona, 2 søner og ei gjenta, og skatta iy₂ ort og 1 skilling. Kona heitte truleg Ranveig. Me veit om 5 barn:

1. Ola Asbjørnson Bø (sjå 28.).
2. Gunnar Asbjørnson Bø (29.).
3. Ola Asbjørnson Næsheim (Næsh. 27.).
4. Villum Bø i Ogna.
5. Berit Asbjørnsdtr., gift med Tormod Håvarson Friestad i Ogna.

20. Erik Olson Bø var nok bror til Asbjørn. Han hadde E. O. i seglet, og er nemnd på Bø frå 1633 til 1664. Kona heitte Berit Olsdotter og kunne vore dotter til Ola Omundson Vig i Orre. Erik døde i 1664, og enkja vart gift i 1665 med Rasmus Eilevson. Ho døde i 1693, og skifte etter henne var halde 13-3 det året. Den 23-11 1657 var Erik Bøs qvinde, stemnt for ho skulle ha hatt med ein

Nils Andersson "at bestille". Og same året hadde Berit Bø stemnt Kristofer Grøtheim, for han hadde stole ein ljosestake frå henne. Dei hadde 12 barn:

1. Ola Erikson, f. 1650, død før 1693, utan arvingar.
2. Erik Stokkeland i Ogna, f. 1655, gift med Steinvor Kverme.
3. Elling Friestad i Klepp, f. 1662, gift med dotter til Søren Friestad.
4. Hans Erikson Braut, f. 1658, gift 1) med enkja Kirsten Torgiersdotter på Nord-Braut, gift 2) m. Anna Eriksdtr.
5. Lars Erikson, f. 1660, død før 1693, ugift.
6. Maren Eriksdtr. var død før mora og hadde ein son: Odd.
7. Siri Eriksdtr., gift 1) med ukjend, gift 2) med Ola Grøtheim, gift 3) med Johannes Olson Årestad, budde på Grøtheim i Time.
8. Ragnhild Eriksdtr.
9. Eli Eriksdtr., gift med Jon Ivarson Norheim i Time.
10. Berit Eriksdtr. var gift på Njørheim.
11. Sissel Eriksdtr. budde i Karmsund i 1693.
12. Malena Eriksdtr.

21. Omund Jonson, son til 9. Han gav y₂ pund leidang i 1624, var laugrettesmann i 1617. Same året måtte han bøta 2 dalar for han hadde slege Lars Olson Bø. I 1626 er han oppført som eigar av iy₂ pund i Bø. Han hadde kona, 2 søner og 2 døtre i 1645. Seinare er nemnde berre ein son og ei dotter:

1. Jon Omundson Bø (sjå 31.).
2. Gunbjørg Omundsdr., gift m. Kristen Paulson Bø (30.).

22. Halvard Olson måtte vore son til 8. og bror til 17., 19. og 20. Han var fødd kring 1610, og kunne då sjølvsgagt ikkje vore den same som 12. Han brukte 12 spand og åtte 9y₂ spand i 1675. Gift 1) med Ingeborg Gitlesdotter Gudmestad (Gudmestad 3.), gift 2) med ukjend. Der var skifte etter Ingeborg 21-5 1670. — Halsnøy Kloster åtte dei 12 spand, dei 9y₂ spand var av Skatteberget. Denne mannen er og kalla Halle og Helle Olson. Han hadde 4 barn i første gifte:

1. Gitle Njå, f. 1635, gift med enkja etter Peder Njå i Time.
2. Laurits var i Holland i 1670.
3. Berit.
4. Anna, gift med Jon Toreson Bø (32.).

23. Kristen Kristenson brukte kyrkjegodset, 2 pund, i 1645. Han er nemnd med

kona, 2 jenter og 2 drenger og skatta y2 dalar. Det er uvisst kven han var. Barn er ikkje nemnde. — Ein Kristen Bø er nemnd som laugrettesmann i 1944 og 1650, men det kunne vore Kristen Pålson.

24. Tarald Olson (sjå Husveg i Varhaug 10.) var truleg son til Ola Fuglestad i Ognå, og bror til Laurits Fuglestad, Laurits Bø, Ognå og Ola Njølstad. Han var fødd kring 1618, død 1664. Han vart drepen på hausttinget i Valle på Stavnheim av futen sin tenar, Kristen Falk, som stakk han ihel med sabelen. — Eg siterar frå tingboka av 24 november 1665: "— Bleff aff fougdens fuldmegtig, Peder Pedersen, fremblagt vores gunstige lensherres schrifftlig citation anlangende it drab som aff Christen Falch er begaaed paa een bonde, naffnlig Tarald Bøe, nest forleeden Høsteting paa Staffnemb, huortil steffnes effterschreffne proff enhuer at møde och deres sandhed bekiende, huis dennem om samme drab vitterligt ehr. Christen Falch steffnesproffuene at paahøre. Aff proffuene først frembkomb Isach Øxnebøe, som proffued och bekienede, at Christen Falch komb ind i stuen med een blot degen och stach nogle gange imellem beenene paa Salig Tharald Bøe, saa hand satte sig neder i benchen och sagde: «Jeg haffuer nu faaed saa meget jeg haffuer fornøden aff dig.» (Da) suarede Christen: «Ja, du fich noget lidet.» Strax dereffter bleff han leed offuer gulffuit, och dermed siede hand neder och raabte paa begge hans brødre, nembelig Lauritz Bøe och Lauritz Fuglestad, bad denem at de schulle heffne hans død. Sagde hand haffde faaed hans bane, och dermed døde hand. Dråpsmannen, var rymnd strax etter dråpet. Han fekk denne dommen: — Endog Christen Falch ey i Rette møtte proffuene at paahøre, haffuer hand dog uden schyld och brøde affdage thagit salig Tharald Bøe. Bør hans liffigien at vere forbrudtt ihuor hand findes, och hans boeslod under Kong: Mayst." Tarald Bø var gift med Maren Larsdtr. Torland (sjå der 110.), som etter Tarald gifta seg med Peder Josefson (26.). Tarald og Maren hadde 8 barn som alle var fødde før dei kom til Bø i 1663:

1. Ola Taraldson Bø (25.).
2. Lars Grøtheim (Grøtheim 5.).
3. Tollak Torland (Torland 19.).
4. Karen, gift 1) med Ola Johannesson Husveg, gift 2) med Lars Olson Husveg (Husveg 12. og 15.).

5. Malena, gift m. Ola Antoniusson Næse i Klepp.
6. Maren, var ugift.
7. Ingeborg, — gift med Antonius Olson Kvalbein.
8. Anna.

25. Ola Taraldson (24. 1.), fødd kring 1642, levde i 1701. Han vart gift i 1665 med syster til stykfar sin, Sissel Josefsdotter frå Lende i Time. Ola Taraldson byksla halve prestegodset, Auno og Kvivaland, etter faren. Eg har ikkje funne noko skifte etter korkje Ola eller Sissel. Men me veit om 4 barn:

1. Tarald Olson, f. 1665, d. 1715, gift 1) m. enkja Karen Rasmusdtr. Haugland, gift 2) m. Kirsten Gitlesdtr. Torland. Budde på Haugland i Time.
2. Josef Olson Bø (39.).
3. Rasmus Olson, f. 1680, lagnad ukjend.
4. Ola Olson, fødd 1690, truleg han som budde på Vigre (sjå der 18.). (Ein Jens Olson var fosterson hans Rasmus Vigre, han var frå Bø og truleg son hans Ola Taraldson.

26. Peder Josefson var son til Josef Olson Lende i Time og bror til kona hans Ola Taraldson (25.). Han var fødd kring 1645, død kring 1733. Gift 1) 1665 med enkja etter Tarald Olson, Maren Larsdtr., som der var skifte etter 23-4 1687, gift 2) med enkja etter Kristen Monsson Næse i Klepp (sjå Bjorland 2. 5.) Guri Toresdtr. Ho var dotter til Tore Bjørnson Braut frå Hognestad og kona Barbro Larsdtr. frå Norheim i Time. Peder Josefson tok over bykselen av halve prestegodset, 1 pund, etter Tarald Olson. — Han hadde ikkje barn i første gifte, men 5 i andre:

1. Maren, gift 1) med Elling Johannesson Bjorhaug, gift 2) med Eivind Jonson Bjorhaug (Bjorhaug 4. og 5.).
2. Barbro, gift med Anders Andfinnson Kydland i Varhaug (Kydland 14.).
3. Guri, gift 1) med Peder Gunnarson Vigre, gift 2) med Ola Larsson Vigre (Vigre 23. og 27.).
4. Josef Pederson Bø (42.).
5. Malena, gift med Ola Olson Kydland i Varhaug (Kydland 15.).

27. Rasmus Eilevson Kvia (Kvia 12. 1.), fødd kring 1640, død 1713, skifte etter han 13-3 det året. I 1665 vart han gift med enkja etter Erik Olson (20.), Berit Olsdtr. som døde i 1693. Så gifta han seg med Guri Jonsdtr. frå Madland i Varhaug (sjå der 9. 2.). Rasmus brukte 18 spand, som styksonen, Erik Stokkeland i

Ogna åtte. Ved skifte etter den første kona i 1693 heiter det at alle barna var hennar, men ved skifte etter Rasmus i 1713 var ei dotter av første gifte og 4 av andre. — Barna var:

1. Berit, av Iste gifte, fødd kring 1666, ho hadde vore gift og var død før 1713, og let etter seg 4 barn, men me får ikkje veta meir om dei.
2. Berit d. y., f. 1697, gift m. Tolleiv Mikkelson Helland i Time (Våland 10.).
3. Malena, f. 1702, gift med Torsten Larsen Anestad (sjå der 34.).
4. Anna, gift m. Ola Rasmusson Bø (46.).
5. Johanna, f. 1710.

28. Ola Asbjørnson (19. 1.), fødd kring 1630, død 1668, gift kring 1655 med Malena Rasmusdr. Fuglestad. Han brukte 18 spand odelsgoods i 1665 (Skjeraberget). Dei hadde 5 barn:

1. Rasmus Olson Fuglestad, f. 1655, gift 1) 1682 med enkja Johanna Hansdr. Fuglestad i Ogna, d. 1695, gift 2) 1696 med Anna Rasmusdr. Aniksdal, d. 1707, gift 3) med Herborg Kristofersdr. Ogna. I 1730 makebytte Rasmus Olson Fuglestad ein part i Odland i Varhaug, — som Herborg hadde arva etter far sin, mot ein part i Fuglestad. Av barna hans Rasmus Fuglestad skal me her nemna: 1. Ola Rasmusson Bø (43.). 2. Kristofer Bø (48.). 3. Anna Rasmusdr., gift med Asbjørn Mæland i Varhaug. 4. Johanna Rasmusdr., gift med Rasmus Rasmusson Hårr (Hårr 32.).
2. Asbjørn Olson Reiestad, f. 1660 (Reiestad, Varhaug 15.).
3. Erik Olson Gudmestad (Gudmest. 11.).
4. Ranveig, — gift med Johannes Olson Kverme i Ogna.
5. Malena, gift med Gunnar Torstenson Stavnheim, Varhaug (Stavnheim 13.).

29. Gunnar Asbjørnson, bror til 28., var fødd kring 1633, død 1683, skifte etter han 18-12 det året. Gift med Berit Pedersdotter, som der var skifte etter i 1682. Gunnar brukte 18 spand odelsgoods i 1665. I 1675 åtte han 14½ spand og broren Ola Næsheim åtte 3½ spand, dette var det seinare bnr. 7. Dei hadde 3 barn:

1. Asbjørn Gunnarson Bø, f. 1656 (35.).
2. Ranveig Gunnarsdr. levde ved skiftet etter faren, — men er ikkje nemnd seinare.
3. Guri Gunnarsdotter er heller ikkje nemnd seinare.

29B. Peder Rasmusson Oma var son til

Rasmus Oma i Time og kona Malena Størkardsdr., som der var skifte etter 30-8 1690. Ho var då gift med Tarald Oma. Peder hadde 3 sysken: Størkard i Stavanger, Jon Sæland og Siri Rasmusdotter. Peder Rasmusson var fødd kring 1645. Han var lagrettesmann frå 1685 til 1713. Hadde vore gift med enkja etter Ola Asbjørnson Bø (28.), Malena Rasmusdr., og tok over 18 spand med henne (Skjeraberget-parten). Me har ikkje funne skifte etter korkje Peder eller Malena. Peder er nemnd så seint som 1718. Dei hadde ikkje barn, og Malena sin soneson, Ola Rasmusson Fuglestad, tok over bruket (sjå 43.).

30. Kristen Faulson Opstad (Opstad 10. 4.), var fødd kring 1620, død 1689. Gift med Gunbjørg Omundsdotter Bø (21. 2.). Kristen byksla 12 spand klostergoods, som truleg verfaren hadde brukt. Der må ha vore ei omskiping av eigeidoms-tilhøva etter 1624, for då åtte Omund Jonson iy2 pund, men i 1665 var desse skift på sonen Jon Omundson og dottera Gunbjørg Omundsdtr. og Halvard Olson med 12 spand kvar, som då Halsnøy Kloster åtte. Kristen Paulson var barnlaus.

31. Jon Omundson (21. 1.) var fødd kring 1620. Gift med Kirsten Pedersdotter frå Herigstad i Time. Jon brukte 12 spand klostergoods i 1665. Der er ikkje funne skifte etter korkje Jon eller Kirsten, men 3 barn er kjende:

1. Omund Jonson Risa (sjå Risa 30.).
2. Guri Jonsdr., gift 1) med Trond Mossige, gift 2) med Mikkel (Risa 23.).
3. Ingeborg Jonsdr., — gift med Simon Svenson Bø (36.). Jon var hjå Simon Svenson i 1701, 83 år gamal.

32. Jon Toreson Hauge var son til Tore Gunnarson Hauge i Klepp og kona Else Henriksdotter. Han var fødd kring 1640, skifte etter han 9-12 1685. Gift med Anna Halvardsdotter Bø (22. 4.). Jon Toreson åtte 6 spand i 1675. Eg skynar ikkje anna enn at det må ha vore ein part av Skatteberget som Jon Toreson brukte, og som veraren hadde brukt før. — Jon Toreson hadde 3 barn:

1. Hans Jonson Haugstad i Varhaug (sjå der 22.).
2. Ingeborg Jonsdr.
3. Else Jonsdr., gift med Jon Ellingson Kvia (Kvia 17.).

33. Tore Anfinnson Næsheim (Næsheim 15.) var fødd kring 1647, gift med enkja

etter Jon Toreson, Anna Halvardsdotter. Han brukte 12 spand uskuld gods, som Erik Stokkeland åtte. — Dette var heile Skatteberg-parten, så det må ha vore det som Rasmus Eilevson hadde brukt (sjå 27.). Tore Anfinnson er nemnd som lagrettesmann frå 1688 til 1718. Ikkje barn.

34. **Torjus Pederson** kom på denne parten i 1723. Det er uvisst kvar han var frå. Han var gift med Siri Gregoriusdotter Rugland i Varhaug (Rugland 8. 2.). Der var skifte etter Torjus 22-10 1724, og Siri vart så gift 2) med Kristofer Rasmusson (48.). Torjus let etter seg 2 barn:

1. Peder Torjusson Anestad (Anestad, Varhaug 48.).
2. Ingeborg Torjusdottr., f. 1741, død som fattiglem på Bø i 1813.

35. **Asbjørn Gunnarson** (29. 1.). — Fødd kring 1656, uvisst når han døde, men han levde i 1718 og døde truleg kring 1720. Kona hans er ukjend, men var truleg Maren Jonsdotter. Asbjørn åtte 18 spand odelsgoods, som var eit utskuldbruk. Han fekk skjøte på dei 18 spand i 1717 av brørne Ola Næsheim og Villum Bø i Ogna (dei var farbrørne hans). — Han hadde 3 barn:

1. Gunnar Asbjørnson Bø (50.).
2. Jon Bjarheim (Bjarheim, Varhaug 9.).
3. Berit Asbjørnsdottr., gift med Gunnar Hansson Aniksdal i Varhaug (31.).

36. **Simon Svenson Tjensvoll** var son til Sven Simonson Tjensvoll i Time. Han var fødd kring 1662, gift 1) med Ingeborg Jonsdotter Bø (31. 3.). Ho døde i 1712, skifte etter henne 9-6 det året, gift 2) 1713 med Anna Olsdotter frå Store Håland (sjå der 3. 2.). Ho døde i 1733. — Simon byksla 12 spand klostergoods etter Jon Omundson. Han hadde 6 barn i første gifte og 3 i andre:

1. Kristen Simonson Bø (40.).
2. Jon Simonson, fødd 1696, gift 1) med Marta Omundsdtr. Mauland. Budde ei tid på Helland i Time, der han byksla 7½ spand av Jørgen Asserson Hjort i 1723. I 1735 er han på Øvre Time. Sidan var han visst husmann på Bø ei tid. I 1758 er han tenar på Ødemotland, og kona budde då i eit lite hus på Bø og hadde ei dotter hjå seg som heitte Ingeborg Jonsdottr. Marta døde ei tid etter 1758. Barna deira var:
 1. Omund Jonson, f. 1723, tente på Gausland i 1758.
 2. Simon Jonson Njærheim (sjå der 64.)

3. Guri Jonsdottr., f. 1729.

4. Ingeborg Jonsdotter, fødd 1728, var vanfør.

5. Kirsten Jonsdottr., fødd 1731, død på Njærheim 1821, ugift.

6. Marta Jonsdottr., f. 1738, på Lode i 1758.

3. Sven Simonson Herikstad i Varhaug (sjå der 29.).

4. Malena Simonsdottr., f. 1705, gift 1) med Elias Olson Vettaland, gift 2) med Ola Endreson Auglend (sjå Håland Varhaug 18.).

5. Guri Simonsdottr., f. 1707.

6. Sven Simonson Bø (41.).

7. Ingeborg Simonsdottr., f. 1714, gift med Sven Hansson Haugland i Time.

8. Helge Simonson.

9. Ranveig Simonsdottr., f. 1720, gift med Ivar Torstenson Vigre (sjå Vigre 28.).

Den eldste sonen, Kristen Simonson, var utan tvil oppkalla etter Kristen Pålson, så det er rimeleg at Simon Svenson budde på parten hans. Dette er naturleg nok, sidan Kristen Pålson var barnlaus og Simon gift med brordotter til kona hans.

37. **Helge Torstenson Risa** (Risa 25. 1.) var fødd kring 1662, og brukte eit halvt pund klostergoods i Bø. Det er lite me ellers veit om han. Eg har tenkt, at han kanskje kunne vore gift med Torborg Rasmusdotter, som seinare vart gift med Kristen Simonson. Han hadde ikkje barn, og enkja skreiv frå seg bykselen på eit halvt pund til Kristen Simonson.

38. **Nils Erikson Laland** var son til Erik Omundson Laland i Klepp og kona Karen Klausdotter. Han var fødd kring 1688 og kom til Bø i 1711. I 1723/25 brukte han 1 pund klostergoods. Eg skynnar ikkje på kva måte han var komen til Bø. Då skifte etter far hans var halde i 1733 heitte det om han: "forhen boende på bø i Qvie, men for ungefær 5 aar siden reist til Holland." Dette kan tyda på at han ikkje var gift då han budde på Bø, eller at han var vorten enkjemann. Etter hans tid var dei 24 spand klostergoods som han hadde brukt skift millom Ola Stigson og Rasmus Olson Håland. I 1721 brann alle husa for Nils Erikson og Simon Svenson Bø. Då får me veta at han hadde 3 stykkborn, men kona er ikkje nemnd. Heller ikkje er barna nemnde ved namn. Den som det er mest truleg at han var gift med måtte vore enkja etter Rasmus Eilevson, Guri Jonsdotter. Men då Rasmus Eilevson sitt skifte var halde i 1713, og Nils Erikson var komen til Bø i 1711,

høver dette lite. Like eins kunne ikkje Rasmus ha butt på Skatteberget, om så var, for det er heilt visst at Nils Erikson ikkje budde der. — I 1719 hadde lensmannen Erik Hobberstad og Torsten Grødeland stemt Nils Bø og Jon Njølstad, for dei hadde "ladet sønderslaae" ein båt desse hadde lånt av dei.

39. Josef Olson (25. 2.) var fødd kring 1677, død 1741, gift med Berit Eriksdotter Gudmestad (Gudmestad 9.). Josef byksla 1 pund prestegods etter faren. Dei hadde ei dotter:

Kirsten Josefsdotter, f. 1715, gift med Peder Toreson (52.).

40. Kristen Simonson (36. 1.) var fødd kring 1692, død 1757. Skiftet etter han var halde 25-5 det året. Han var gift med Torborg Rasmusdotter, som kanskje var enkja etter Helge Torstenson (37.). Det er uvisst kvar ho var frå. Ho må vera død straks etter Kristen, for ho er ikkje i manntallet i 1758. Kristen byksla 12 sp. klostergoods etter Helge Torstenson i 1713. Dei hadde 4 barn:

1. Ingeborg Kristensdtr., f. 1717, død på Bjorland i 1794. Ho var ugift og sinn-sjuk.
2. Karen, f. 1720, gift med Ola Olson Bø (47.).
3. Rasmus Kristenson Auglend i Time, f. 1725, gift med Johanna Torkelsdotter Erga.
4. Anna Kristensdtr., f. 1734, tente på Ødemotland i 1758, død på Bjorland 1817, ugift.

41. Sven Simonson, bror til Kristen. Fødd kring 1705, død 1742. Gift med Barbro Ingebretsdotter Bryne, fødd kring 1710. Sven byksla dei 12 spand klostergoods som far hans hadde brukt, det seinare bnr. 12 og 13. Etter Svein gifta enkja seg med Ola Rasmusson Lindal (58.). Sven Simonson let etter seg 3 eller 4 barn:

1. Ingeborg Elisabet Svensdtr., f. 1738, truleg død ugift.
2. Ingebret Svenson Lode (sjå Lode 36.).
3. Sven Svenson, f. 1742, tente hjå Ola Erikson Bø i 1758.
- (4. Guri Svensdtr., f. 1743, tente på Høyland i 1758.)

42. Josef Pederson (26. 4.) var fødd kring 1701, død 1746, skifte etter han 30-3 det året. Han var gift med Berit Jonsdotter Vestly, fødd 1702. Ho var dotter til klokkar Jon Tjæranson Vestly frå Grødaland i Nærbø og kona Malena Omunds-

dotter frå Reime (sjå Grødaland 10. 3.). Josef brukte 1 pund som Bø prestebol åtte, og som far hans hadde brukt før. Ved skiftet i 1746 åtte bua 12 sp. i Risa som enkja fekk, 8 sp. i Lende og 6 sp. i Grøtheim som sonen Peder fekk. Enkja gifta seg att med Ola Erikson Hårr. Josef og Berit hadde 1 son:

Peder Josefsen Hobberstad, fødd 1737, gift med enkja etter Jon Jonson Hobberstad, Anna Torstensdtr. (Hobberstad 36.).

43. Ola Rasmusson var son til Rasmus Olson Fuglestad i Ognå (sjå Bø 28.) og andre kona, Anna Rasmusdtr. frå Aniksdal. Han var f. i Ognå 1696, d. 1747, skifte etter han 8-4 det året. Kona heitte Malena Larsdtr., og var dotter til Lars Pederson Voll i Varhaug og kona Berit Jonsdtr. frå Kvasheim, fødd kring 1698 (sjå Voll 19. 6.). Då farfaren, Ola Asbjørnson var død, hadde enkja, Malena Rasmusdotter gifta seg med Peder Rasmusson frå Oma. Denne Peder Oma hadde løyst inn bruket av arvingane og stod som eigar av 14y> sp. i 1675. Dei andre 3y2 sp. åtte Peder Stokkeland i Ognå. Etter Peder Oma var død må anten Rasmus Fuglestad eller sonen Ola Rasmusson, ha løyst inn att dei 14y2 sp., for i 1730 selde oia Rasmusson 14y2 sp. korn landskuld i Kirkebø i Kvia til Tolleiv Kristoferson Kvia. — Kjøpebrevet, som er dagsett 23. nov. 1730, er underskrive av Ola Rasmusson Bø, Johannes Olson Kverme, Ola Rasmusson Kirkebø, Erik Erikson Lode og Lars Olson Kvia. — Der må plent ha butt ein annan på denne parten millom Peder Oma og Ola Rasmusson. Eg har stundom lurt på om der kan ha vore ein Jon som kanskje var gift med Malena Larsdtr. før ho vart gift med Ola, og at det er grunnen til at eldste sonen hans Ola heitte Jon. Men dette er berre gissing. Då Ola var død gifta Malena seg med Gitle Pederson. Ola Rasmusson let etter seg 7 barn:

1. Jon Olson Opstad, f. 1725 (Opstad 35.).
2. Malena, f. 1722, gift med Rasmus Larsen Kvia (Kvia 22.).
3. Anna Olsdtr., fødd 1723, gift med Ola Larsson Lode (Lode 33.).
4. Rasmus Olson Bø, f. 1727 (56.).
5. Berit Olsdtr., f. 1731, gift med Hans Halvardson Grøtheim (sjå Grøtheim 8. 1.).
6. Johanna Olsdtr., f. 1736, gift med Ola Andersson Helvik.
7. Malena d. y., f. 1740, gift med Erik Asen i Stavanger.

44. Gitle Pederson Åse var son til Peder Pederson Åse i Klepp og Maren Olsdtr. frå Husveg (Husveg, Varh. 12. 3.). Han var fødd kring 1718, død 1777. Gift med enkja etter Ola Rasmusson, Malena Larsdotter. Ho var fødd kring 1698 og levde i 1777. Gitle står som brukar i 1749 og 1758. Han brukte 18 spand som Tolleiv Kristoferson Kvia åtte 14y² spand av og Peder Stokkeland i Oгна ^{31/2} spand. — Dette var Skjeraberg-parten. Lars Olson Lode gjorde odelsretten sin gjeldende til dei 18 spand i 1768 og lyste pengemangel. Gitle hadde då kjøpt dei 14y² spand av Tolleiv Kvia i 1748. Jon Olson Opstad gav frå seg odels- og åseteretten til Gitle i 1748. Lars Olson Lode var Jon Olson Opstad sin systerson. Gitle hadde ikkje barn.

45. Ola Stigson var son til Stig Olson Vigre og Berit Eriksdtr. frå Bjorland (sjå Vigre 18.). Han var fødd i 1693. Gift 1727 med Malena Olsdotter Gudmestad, fødd kring 1700 (Gudmestad 13. 4.). Ola Stigson tok over 12 spand klostergoods etter Nils Erikson Laland (38.) i 1728, og er nemnd i Futerekneskapen til 1768. — Denne parten, 12 spand Halsnøy-klostergoods var det seinare bnr. 9 og 10 Dyrs-haug. Fru Valentinsen åtte dei 12 spand frå 1746. Truleg var desse fire Ola Stigson sine barn:

1. Ola Olson Bø, f. 1722 (47.).
 2. Stig Olson Lindal (Lindal 11.).
 3. Nils Olson Bø (54.).
 4. Ola Olson d. y., f. 1730 (55.).
- Det er muleg at Ola Olson Gausland (13.) og var son til Ola Stigson Bø, men det er uvisst.

46. Ola Rasmusson Håland (Store Håland 6. 1.) var fødd kring 1699, uvisst kva tid han døde. Han vart gift kring 1730 med Anna Rasmusdtr. Bø (sjå 27. 4.), fødd kring 1707, død som enkje 20-6 1795. Ola Rasmusson Håland tok over dei andre 12 spand klostergoods etter Nils Erikson Laland. Han er nemnd i futerekneskapen frå 1730 til 1760, men han levde nok til kring 1770. Fru Valentinsen åtte desse 12 spand frå 1746. — Ola og Anna heldt skifte med barna 12-12 1766. Dei hadde då 6 barn:

1. Rasmus Olson, fødd kring 1730, truleg han som tente på Opstad i 1758, er ikkje nemnd seinare. (Tru om han var R.Ø. Store Håland nr. 11.)
2. Salomon Olson, f. 1735, d. 1-1 1799, ugift. Budde då på Bø.
3. Ola Olson, f. 1738, tente på Kvia i 1758, men død før 1766.

4. Guri Olsdtr., f. 1742, gift med Helge Svenson (57.).
5. Gitlaug Olsdtr., f. 1744, gift med Hans Ellingson Bø (70.).
6. Malena Olsdotter, fødd 1748, lagnad uviss.

47. Ola Olson d. e. Han har eg meint var eldste son til 45., men var han det, då kan ikkje alderen han har i 1758 (38 år) vera rett, for Ola Stigson var gift i 1727, og første barnet hans var fødd det året. Etter alderen hans i 1758 skulle han altså vore fødd kring 1721, død på Bjorland 24-8 1808. Han var gift kring 1755 med Karen Kristensdtr. Bø, fødd kring 1720, død 9-9 1809, dotter til 40. Ola Olson tok over dei 12 spand klostergoods etter ver-faren som fru Valentinsen då åtte. Byk-selbrevet hans var dagsett 25-2 1758. — Desse 12 spand vart seinare skift millom dei tri andre klosterbruka, så dei fekk 16 spand kvar istaden for 12 som dei hadde før. Ola Olson flutte då til Bjorland, der han sidan budde som husmann (sjå Bjorland 11.). Han budde framleis på Bø i 1768. Ola og Karen fekk 3 barn:

1. Ola Olson, f. 1756.
2. Kirsten, f. 1758, gift med Ola Olson Høyland (Høyland 71.).
3. Kristen Olson Haugland, f. 1760, gift 1789 med Siri Svendsdtr. Haugland. — Budde på N-Haugland i Time (sjå Bjorland 11.).

48. Kristofer Rasmusson var son til Rasmus Olson Fuglestad og 3dje kona, Herborg Kristofersdtr. Han var då halvbror til 43., f. 1707, gift med enkja eter Torjus Pederson (34.), Siri Gregoriusdtr. Kristofer brukte dei 12 sp. som Torjus hadde brukt frå 1744 til 1758. Peder Stokkeland åtte då desse 12 sp. I 1758 var han dreng hjå Asbjørn Gunnarson og heitte då Kristofer Hårr. — Siri tente då hjå Halvar Rasmusson som hadde teke over bruket deira. Det er uvisst når eller kvar dei døde. Men i 1767, då der var skifte etter Kristofer sin bror, Rasmus Helvig, er Kristofer kalla betler, utan at me får vita kvar han heldt til. Dei hadde ikkje barn.

49. Halvar Rasmusson var frå Undheim, son til Rasmus Halvarson Undheim og kona Malena Danielsdtr. frå Tunheim. Han var fødd kring 1706, gift 1728 med Guri Olsdtr., fødd kring 1700, dotter til Ola Sivertson Arrestad og kona Ingrid Kristofersdtr. — Halvar hadde teke over Kristofer Rasmusson sine 12 sp. i 1758

til 1760, og som Peder Stokkeland åtte. Han hadde buttt på Arrestad, og alle dei 7 barna var fødde der:

1. Ola Halvardson, f. 1730.
2. Malena, f. 1730. Dei var tvillingar.
3. Rasmus, f. 1731.
4. Ola Halvardson Næsheim, fødd 1733 (Næsheim 59.).
5. Malena Halvardsdr., f. 1735, gift med Ola Olson Bø (55.).
6. Halvard Halvardson, f. 1737.
7. Inger Halvardsdr., f. 1740 (1733?), gift m. Nils Eivindson Næsheim (Næsheim 52.).

50. Gunnar Asbjørnson, son til 35., var fødd kring 1698, død kring 1730. Gift med Siri Reiarstr. Gausland, fødd kring 1698, død 1776 (Gausland 7. 2.). Gunnar Asbjørnson tok over 18 Spand odelsgoods etter faren i 1726. Då han døde berre ei stutt tid etter, gifta enkja seg med ein Eivind Eivindson. Gunnar hadde løyst inn det som broren Jon Bjorheim, og søstra Berit Aniksdal, åtte i garden. Han hadde berre ein son:

Asbjørn Gunnarson Bø (60.).

51. Eivind Eivindson Bø var fødd kring 1700, død på Re i 1767, gift 1730 med enkja etter Gunnar Asbjørnson, — Siri Reiarstr. Det har vore rådlaust å finne ut kven denne Eivind Eivindson var. — Han budde på Bø til styksonen, Asbjørn Gunnarson var vaksen og tok over bruket. Sidan budde han på Re i Time. Han hadde ein son:

Gunnar Eivindson Re, f. 1731, gift med Berit Salomonsdr. Mauland.

52. Peder Toreson Ueland (Ueland, Varh. 17. og Opstad 28. 1.). Han var fødd kring 1719, død 28-4 1805. Gift kring 1742 med Kirsten Josefsdotter Bø (39. 1.), fødd kring 1715, død 23-2 1801. Peder byksla 1 pund prestegods i 1742 etter Josef Olson. I 1765 kjøpte han 8 spand i Ueland av Ingeborg Jonsdr. Obrestad, som ho hadde arva etter far sin. Peder Toreson var vel den første på Bø som fekk premi for nybrottsarbeid. I 1777 fekk han 10 dalar av Stavanger Amts Landhusholdnings-selskab "for et i avfigte Aar oppryddet steenigt Stykke Land i hans Udmark, hvorpaa er avlet 2 Tdr. Byg, en halv td. Rug og 3 Tdr. Roer, og sammes Indhegning med 130 Favner Steengiærde." Det kan i same farten nemnast, at Ola Olson (47.) samstundes fekk 4 dalar for ein husmannsplass han hadde teke til å rydja på Bjorland i utmarka der.

Peder Toreson og Kirsten Josefsdr. fekk 2 døtre:

1. Berta (Berit) Pedersdr., f. 1746, gift med Hans Rasmusson (Reime 24.).
2. Karen Pedersdr., f. 1752, d. 24-1 1822. Sinnsjuk.

53. Ola Erikson Hårr (sjå Hårr, Varhaug 27. 2.). Fødd kring 1720, død 5-12 1791. Gift 1) 1746 med enkja etter Josef Pederson (42.), Berit Jonsdotter, død 1765, gift 2) i Ogna 15-12 1765 med Berta Elisabeth Gunnarsdr., fødd 1742, død 1782, dotter til Gunnar Tjølsøn Friestad i Ogna og Sissel Olsdr. frå Nord-Varhaug, gift 3) med Johanna Jonsdotter Odland, fødd kring 1749 (sjå Odland, Varh. 31. 10.). Etter Ola Erikson vart ho gift med Jon Tjølsøn. Johanna og Berta Elisabeth var syskenbarn. Ola Erikson byksla 1 pund kyrkjegods etter Josef Pederson. Han åtte 15 spand i Skretting som han selde til Endre Gunnarson i 1774. Han hadde 4 barn i andre gifte og ein son i tredje:

1. Erik Olson, f. 1766, gift 1791 med Elen Marta Olsdr. Torland (Torland 36. 4.). Budde i Stavanger.
2. Gunnar Olson Motland, f. 1770 (Motland 16.).
3. Berta Karina Olsdr., f. 1775.
4. Rasmus Olson Bø, f. 1778 (72.).
5. Ola Olson Are, f. 1788 (Våland 21.).

54. Nils Olson (45. 3.), fødd kring 1729, død 22-6 1805, gift med Guri Omundsdr., f. 1725, d. 2-11 1806, dotter til Omund Salomonson Mauland i Time og kona Guri Ivarsdr. Nils Olson hadde buttt på (Næsheim 53.). I 1764 selde han 1 pund i Næsheim til Ola Halvardson Bø og flutte heim til Bø, der han byksla dei 12 spand av fru Valentinsen, som faren hadde brukt. Dei hadde 4 bam:

1. Omund Bø, f. 1756 (62.).
2. Guri, gift med Tore Hansen (Risa 46. 7.), budde på Haugland.
3. Malena, gift 1) med Tore Toreson (Rimestad 27.), gift 2) med Sven Olson (Rimestad 32.).
4. Nikolina.

55. Ola Olson d. y. (45. 4.), var bror til 54., fødd kring 1730, død 30-4 1796. Gift 1759 med Malena Halvardsdr., f. i Time 1735, død 24-4 1807, dotter til 49. Ola byksla dei 12 spand som verfaren hadde brukt, og som Peder Stokkeland åtte. Frå 1778 åtte Hans Rasmusson Reime denne parten. Ola tok over bykselen i 1760. Der er ikkje funne skifte etter korkje Ola eller Malena. Men i 1804 den 4-3 var der

skifte etter ei ugift dotter som døde på Obrestad, og då får me veta om dei barna som då levde, det var 6:

1. Guri Olsdr., f. 1759, d. 28-2 1833, ugift. Ho hadde ei dotter, Guri Pedersdr., f. 1792, faren var Peder Josefson Hobberstad, som var enkjemann. Denne Guri Pedersdr., gift 1) med Erik Johanesson Voll, gift 2) med enkjemann Mons Monsson Skretting. Begge desse budde på Steinane (Ånestad 79. og 80.).
2. Malena Olsdr., f. 1760, gift med Gunnar Pederson Instigbakken (Ueland 31. 2.).
3. Rasmus Olson, f. 1761, var i Bergen i 1804.
4. Ola Olson Bø, f. 1762 (63.).
5. Berta Olsdr., f. 1768, d. 28-1 1804 på Obrestad eller Hå.
6. Inger Olsdr. var i Bergen i 1804.

56. **Rasmus Olson** (Håland 13.), var son til 43., var fødd kring 1727, død 21-9 1803, gift kring 1765 med Berta Toresdr. Gudmestad, fødd kring 1732, død 6-12 1815 (Gudmestad 15. 4.). Rasmus Olson byksla 7½ sp. i Store Håland av presten Bendiks Diurhuus i 1761. I 1773 gav han frå seg denne bykselen til ein annan Rasmus Olson og Elling Larsson Lerbrek og fekk att 3½ sp. i Lerbrek (16.) av Nils Grøver. Då stykfaren, Gitle Pederson, døde i 1777, flutte Rasmus heim til Bø og løyste inn 14½ sp. av mora. Dei andre 3y2 sp. åtte då Hans Rasmusson Reime. Dei fekk 5 barn:

1. Ola Rasmusson Helvig, f. 1765, gift med Lisbet Tolleivsdtr. Budde på Helvig i 1801, på Skjelbreid i 1803.
2. Guri, f. 1766, gift 1803 med Jon Tjølsen Nærland. Budde og på Helvig (sjå Nærland 20. 6.).
3. Tore Rasmusson Bø (68.).
4. Malena, f. 1769, gift 1802 med Lars Olson Helland i Eigersund.
5. Rasmus Rasmusson Bø (76.).

57. **Helge Svenson Opstad** var son til Sven Helgeson Opstad og kona, Johanna Eilevsdr. (Opstad 26. 3.). Han var fødd kring 1735, død 3-11 1819, gift kring 1770 med Guri Olsdr. Bø (46.), fødd kring 1746, død 1-2 1823. Helge byksla 16 sp. av fru Valentinsen i 1768 etter verfare, Ola Rasmusson Håland. I 1787 åtte Lars Pederson Kvia denne parten. — Der var skifte etter Helge 8-4 1820, og då levde 4 barn. 2 var døde før faren:

1. Anna, f. 1771, d. 13-9 1849, ugift.
2. Sven, f. 1775, d. 1789.
3. Johanna, f. 1778, d. 27-5 1802, ugift.

4. Elen, f. 1780, gift 1816 med enkjem. Lars Garson Hadland i Ogna (Vigrestad 24. 1.).
5. Guri, f. 1781, d. 4-7 1848, ugift.
6. Ola Helgeson Bø, f. 1784 (78.).

58. **Ola Rasmusson Lindal** (Lindal 6B. 1.) var fødd kring 1713, død 25-11 1798, gift kring 1743 med enkja etter Sven Simonson Bø, Barbro Ingebretsdtr., d. 1763, gift 2) 1764 med Ingeborg Eriksdr., f. i Time 1730. Ho var dotter til Erik Olson Hadland i Time og kona Gitlaug Halvardsdr. Denne Gitlaug var nok syskenbarn til Sven Simonson Bø, og Ingeborg vart dermed tremening til Ola Rasmusson sine stykborn. Ola Lindal byksla 12 spand av fru Valentinsen i 1746, og fekk seinare 4 spand av dei 12 som Ola Olson hadde brukt. Han hadde 3 barn i første gifte og 3 i andre:

1. Guri Olsdotter, fødd 1745, død 16-4 1799, ugift.
2. Josef Olson Bø, f. 1746 (sjå 59.).
3. Rasmus Olson, f. 1749, seinare lagnad ukjend.
4. Ola Olson, f. 1766, lagnad ukjend.
5. Hans Olson, f. 1770, gift 1829 med Marta Klausdr. Friestad i Ogna. — Budde på Lobekk i Varhaug (Åuestad 29B.).
6. Barbro Olsdr., f. 1773, lagnad ukjend. Der var nok ei dotter til av første gifte, Siri Olsdr., som var død før 1758. Alle dei andre levde i 1783.

59. **Josef Olson** var andre son til 58. Han var fødd kring 1746, død 4-5 1813. Gift 1 Time 1783 med Elisabet Ellingsdotter, fødd 1747, død 5-1 1822, dotter til Elling Ingebretson Garpestad frå Bryne og kona Kirsten Jonsdr. frå Grøtheim i Time. Josef byksla dei 16 spand klostergods etter faren av fru Valentinsen i 1782. I 1787 fekk han skjøte på det same av Børre Rosenkrans for 100 rdl. Dei fekk 2 barn:

1. Barbro Josefsdr., f. 1784, d. 16-8 1802.
2. Kirsten Josefsdr., f. 1789, gift med Rasmus Olson (72.).


60. **Asbjørn Gunnarson Bø**, son til 50. — Han var fødd kring 1728, død 7-3 1798. Gift kring 1750 med Anna Helgesdotter Opstad, fødd kring 1730, død 1785 (sjå Opstad 25. 2.). Asbjørn tok over bruket etter stykfaren, Eivind Eivindson, i 1750 for 18 dalar. Det var 9 spand, dei andre 9 spand hadde han sjølv arva etter faren. Ved skiftet etter Anna Helgesdotter 22-6 1785 er nemnde 5 barn:

1. Karen Asbjømsdtr., f. 1752, gift med Sven Olson Opstad (41.).
 2. Gunnar Asbjørnson Bø, f. 1754. Budde i Bergen i 1785.
 3. Helge Asbjørnson Bø, f. 1755 (61.).
 4. Sara Asbjømsdtr., f. 1762, truleg død straks etter mora.
 5. Anna Asbjømsdtr., f. 1771, d. 11-12 1838, ugift.
61. Helge Asbjørnson Bø, son til 60, var fødd 1755, død 7-6 1823. Gift med Malena Hansdotter Risa (Risa 46. 3.), fødd 1747. Helge fekk 15 spand ved skiftet etter mora og 3 spand av faren same året. Dei hadde 2 barn som er nemnde:
1. Anna Maria Helgesdtr., f. 1787, gift med Rasmus Olson (71.).
 2. Asbjørn Helgeson, f. 1789, d. 26-8 same året, 4 veker gammel.
62. Omund Nilsson Bø, son til 54., var fødd på Næsheim i 1756, død 7-5 1810, skifte etter han 23-5 det året. Han var gift 1) kring 1783 med Elen Svensdotter Tunheim, fødd 1753, død 1795, dotter til Sven Olson Tunheim i Time og kona Malena Rasmusdtr. Gift 2) 9-3 1796 med Anna Johanna Toresdotter Torland, fødd kring 1767, død 20-12 1843 (Torland 39. 2.). Ho vart seinare gift med Tore Rasmusson Bø (68.). Omund Nilsson kjøpte 16 spand klostergoods av fru Valentinsen i 1787 for 100 dalar, som far hans hadde byksla. Han hadde 5 barn i første gifte og 6 i andre:
1. Sven Omundson Bø, f. 1784 (77.).
 2. Nils Omundson Bø, f. 1790 (75.).
 3. Malena Omundsdr., f. 1788, gift 3-12 1837 med enkjemann Lars Salveson Kanaheio (Opstad 50. 2.).
 4. Guri Omundsdr., f. 1792, gift med Elling Hansson Bø (80.).
 5. Elen Omundsdr., f. 1795, d. 7-7 1881., ugift. Ei dotter: Lea Olsdr., f. 12-5 1818, gift 25-3 1856 med Gabriel Ellingson Bø (sjå 80. 6.).
 6. Kirsten Omundsdr., f. 1796, gift 25-6 1820 med Nils Toreson Haugland i Time.
 7. Tore Omundson Gudmestad, f. 1798 (Gudmestad 29.).
 8. Omund Omundson, f. 1801, gift med Rakel Assersdr. Kvål i Høyland. — Budde på Vagle. Han hadde ei dotter u. e.: Taletta, f. 29-11 1823, gift med Erik Svenson Skretting (sjå der 72.).
 9. Ola Omundson, f. 1804, d. same året.
 10. Ola Omundson, f. 1805.
 11. Anna Johanna Omundsdr., fødd 1-4 1809, gift 1) med Rasmus Rasmusson Opstad, gift 2) med Sven Svenson Opstad (sjå der 62.).
63. Ola Olson, son til 55., var fødd kring 1762, gift 1788 med Berit Olsdotter Varhaug, fødd 1759. Han byksla 12 spand (Skatteberget) av Rasmus Hansson Reime, som far hans hadde brukt, i 1789, og gav oppsett til foreldra. I 1800 sa han opp bykselen og flutte til Sør-Varhaug, og Mons Monsson tok over Bø. Ola og Berit fekk 5 barn på Bø og 2 på Varhaug:
1. Ola Olson Varhaug, f. 1789 (sjå Sør-Varhaug 72.).
 2. Berta Olsdr., f. 1791, gift 7-1 1827 med Ola Olson Næsheim (sjå om dei Sør-Varhaug 76.).
 3. Ola Olson d. y., f. 1793, gift 1824 med Olina Rasmusdtr. Torland, f. i Stavanger 1789. Ola fekk ei dotter med Ingeborg Anestad: Inger, f. 9-9 1819, og ei annor med Maren Kydland: Olina, f. 23-8 1821.
 4. Magdalena Olsdr., f. 1795, gift med Peder Larsson Høyen (Varhaug 82.).
 5. Lars Olson, f. 1799, gift i Stavanger 2) med enkja Ingeborg Eriksdr. Bryne. Han var styrmann og budde i Stavanger. Han hadde ei dtr. med Helena Olsdr. Lende: Berta Maria, f. 1820.
 6. Marta Kirstina Olsdr., f. på Varhaug 1804. Ho fekk ein son: Jonas Ellingson, fødd 19-6 1828 (sjå S-Tjemsland 45.). Ho vart gift 8-11 1831 med Torger Ellingson (sjå Skrettingland 13. 3.).
 7. Anne Berte Olsdr., f. 8-4 1807, gift 1831 med Hans Svenson Vigre (Vigre 40.).
64. Mons Monsson Bjorland var son til Mons Monsson Bjorland og kona Berit Jonsdr. (sjå Bjorland 5. 3.). Han var fødd 1769, død på Skretting 25-9 1838, gift 1) med Malena Tolleivsdtr. Høyen, fødd 1759, død 12-1 1831 (sjå S-Varhaug 57. 1.), — gift 2) 20-11 1834 med Kari Svensdtr. Opstad, fødd 1801 (Opstad 41. 8.). Mons hadde butt på Høyen under Varhaug. Då Ola Olson flutte dertil, tok han over bykselen av dei 12 spand i Bø som Ola hadde brukt. Han budde ikkje lenge på Bø. Alt i 1802 tok Hans Ellingson over denne parten (Skatteberget), og Mons flutte til Skrettingvodl, der han sidan budde. Sjå meir om han på Sør-Varhaug 67. og Skretting 62.
65. Jon Gunnarson Aniksdal var son til Gunnar Hansson Aniksdal og kona Berit Asbjømsdr. frå Bø (sjå Aniksdal 31. 5.). Han var fødd 1737, død 5-6 1794, gift

1791 med Karen Gunnarsdtr. Fuglestad, fødd kring 1752, død 24-12 1815, dotter til Gunnar Helgeson Fuglestad i Ogna frå Nord-Varhaug og kona Berta Pedersdotter frå Voll i Varhaug. Etter Jon vart ho gift med Reiar Tollakson. Jon Gunnarson budde på Gjero og var den første husmannen eg har funne nemnd på Bø. Han hadde ei dotter:

1. Berta Jonsdtr., f. 1791. Ho levde i 1816, men er ikkje nemnd seinare.

66. Rasmus Hansson var son til Hans Rasmusson Reime og kona Berta (Berit) Pedersdtr. frå Bø (Reime 24. 4.). Han var fødd kring 1776, død på Reiestad i Varhaug 13-7 1857, gift 24-6 1798 med Elisabet Pedersdtr. Bø, fødd kring 1772, død 26-4 1847. Denne Elisabet Pedersdtr. har vore ei hard not å knekkja. Eg trur ikkje ho var frå Bø. Men eg meiner at mor hennar var Elisabet Jonsdtr. Djøseland i Varhaug (Dysjaland 13. 1.). Om dette er rett skulle ho og Rasmus vore skylde slik:



Eg har tenkt meg, at Peder Toreson og Kirsten Josefsdtr. då dei vart gamle og einslege, har teke til seg denne Elisabet Pedersdtr., og at kanskje mor hennar og har vore hjå dei. Det ligg og nær å tru, at dei har teke til seg dottersonen, han Rasmus Hansson Reime og. Og så har då desse to unge funne einannan der på Bø. Ja slik ser det ut for meg. Det er likevel litt rart at dei først vart gifte 4 år etter at Rasmus hadde teke over bykselen etter Peder Toreson. Det var nemlig i 1794 at han byksla av Nils Grøver som då var prest. Den 3-3 1835 fekk han kongeskjøte på 1 pund prestegods i Bø for 400 spd. Rasmus og Elisabet fekk 4 barn:

1. Berta, f. 21-7 1799, gift 17-6 1819 med enkjem. Mons Olson Bjorland (Bjorland 16.).
2. Kirsten, f. 27-6 1802, d. 20-3 1808.
3. Peder, f. 8-9 1806, d. 18-9 same året.
4. Elisabet Kirstine, f. 1-6 1813, gift med Lars Eliasson (82.).

Rasmus Hansson fekk skjøte av Peder

Toreson på 8 sp. i Ueland, på dei vilkår at han skulle ta seg av den sjuke mostera, Karen Pedersdtr. så lenge ho levde.

67. Jon Tjølsen var son til Tjølv Hansson Nærland og kona, Anna Eriksdtr. (Nærland 20.). Han var fødd kring 1752, død (1825?), gift 1) 24-6 1792 med enkja etter Ola Erikson (53.), Johanna Jonsdtr. som døde 7-8 1796, gift 2) 25-11 1798 med Ragnhild Larsdtr. Obrestad, fødd 1776, død på Reime 26-1 1848 (Obrestad 22. 5.). Jon byksla 1 pund prestegods av Nils Grøver i 1792 etter Ola Erikson. I 1798 kjøpte han 5 sp. i Skretting av Ola Erikson sine arvingar for 39. rdl. 1 ort og 8 skilling. Ola Erikson hadde ått 15 sp. i Skretting, og i 1806 selde Jon Tjølsen $8\frac{3}{4}$ sp., Ola Olson Bø $5\frac{1}{6}$ sp. og Berta Karina Olsdtr. Bø $\frac{5}{6}$ sp. i Skretting til Erik Svenson Skretting for 180 rdl. Jon Tjølsen fekk ikkje barn i første gifte, men 9 i andre:

1. Johanna, f. 23-3 1800, gift med Tjølv Erikson Obrestad (Obrestad 30.).
2. Anna, f. 31-1 1802, gift 20-3 1834 med enkjem. Tollak Olson Motland (Motland 19.).
- 3.
4. med enkjem. Ola Olson Torland (Torland 49.).
5. Tjølv, f. 25-7 1809, død på Reime 16-3 1862, ugift.
6. Berta, f. 27-11 1811, gift 24-11 1831 med enkjemann Jon Erikson Reime (Reime 31.).
7. Lavrensa, f. 27-7 1814, død på Reime 15-3 1874, ugift.
8. Ingeborg Margreta, f. 15-9 1817, død ugift.
9. Rakel, fødd 8-2 1820, død 28-6 1849 på S-Reime.

68. Tore Rasmusson (Tore på Torjå) var son til 56., fødd kring 1768, død 4-10 1853, — gift 1-7 1823 med enkja etter Omund Nilsson (62.), Anna Johanna Toresdtr. som døde 20-12 1843. Tore kjøpte odelsretten av broren, Ola Helvig, i 1792 for 20 rdl. I 1795 fekk han skjøte av faren på 18 sp. i Bø for 160 rdl. I 1827 selde han bruket til broren Rasmus og tok seg følge. Kjøpesumen var 190 spd. — Han hadde ikkje barn. — Eg har i mi eiga 2 gåvebrev, der han gjev brorbarna, Berta og Rasmus, både pengar og ymse andre ting. Det kan vera forvitneleg å ta dei med her: — ”Kiendes ieg Undertegnede Thore Rasmusen Bøe, at ieg giver min Broder Datter Berte Rasmus Datter Bøe

det store Tin fad og den store Speil og et Qvitt Roglett Fad En stor Dyne med fylg (og) Blaa Rude Vær udenpaa. En stor Hoved-Pude med Rudete bomuldstøy Vær udenpaa, som hun skal eye og beholde Efter min Død. Det bekræfter ieg med min haand. Bøe d. 6 December 1836. Tore Rasmusen. til Vitterlighed — Ericen. — Henrich Hobberstad.”

”Da ieg undertegnede Tore Rasmusen Bøe med beraad Hu og imine Sonhedsdage bortgiver den giæld som ieg har tilgode hos Svend Ommundsen Bøe, 80 Spe.daler — Skriver Firsens Tyve Spesi Daler, som skal deeles mellem mine Broder Børn Rasmus Rasmusen Bøe og Berthe Rasmusdatter Bøe, 40 sp.daler til hver, som ieg Giver dem fuld Eyendom at fordre hvad tid de vil. Bøe d. 22 Marti 1839. Tore Rasmusen Bøe. Til Vitterlighed: Tiøl Eriksen Obrestad. John Erichsen Reime.” — Seinare gav han dei same ei bankbok på 25 dalar til deling.

69. Halvar Nilsson Næsheim (Næsheim 52. 2.) var fødd 1763, død på Næsheim 20-1 1838, gift i Time 1786 med Anne Berte Pedersdtr., fødd (i Oгна 1766?), død 3-7 1831. Ho var visstnok dotter til Peder Gunnarson Mauland frå Fuglestad i Oгна og kona Malena Pedersdtr. Denne Peder Gunnarson Mauland var bror til Karen Gunnarsdtr. som var gift med Joh Gunnarson på Bø Gjero (65.). Halvar hadde butt på Holen under Bjorland og ei tid på Mauland. Til Mauland hadde han kome i 1788 og byksla 4y> sp. av Capellan Børge Pedersen von Fyren, som verfaren, Peder Gunnarson, hadde brukt. Same året hadde han selt 1 pund i Næsheim til Ola Svenson Salte for 240 rdl. I 1791 sa han opp bykselen på Mauland og kom til Bø Gjero. Halvar vart ikkje verande lenge på Gjero. — Dei hadde 9 barn som eg veit om:

1. Nils, truleg f. på Næsheim 1786, gift i Stavanger 1816 med Marta Kristina Kristensdtr. (Ein uekte son: Abraham, sjå Høyland 67. 1.).
2. Malena, f. på Mauland 1788, gift 7-6 1822 med Sven Gustavson Fogleberg på Høyland (skal vera Gustav Andersson (Høyland 74.).
3. Halvar, f. 1788, tvilling med Malena.
4. Eivind, f. på Mauland 1791, gift i Time 24-11 1816 med Tobie Olsdtr. Høyland (Torborg?). Dei budde på Håland i Time i 1820. Seinare på Rosland i Klepp.
5. Ingerd, f. på Holen 9-12 1792, gift 1-11 1818 m. Ola Larsson Rossaland. Budde på Engelsvåg og Mæland i Klepp.

6. Peder Halvarson, f. på Bø 1-5 1796, gift i Klepp 2-12 1821 med enkja Marta Jonsdtr. Engelsvåg. Budde på Engelsvåg.
7. Anne Berte, f. 2-8 1801. Ho var visst ikkje gift, men fekk 4 barn:
 1. Rakel Tollaksdtr., f. 2-3 1820, gift i Klepp 28-6 1849 med Hans Elias Eivindson Rosland (syskenbarn).
 2. Taletta Tollaksdtr., f. 12-2 1823, gift i Stavanger 17-10 1856 med bygningssmann Rasmus Jakobson Efjestad i Stavanger (Efjestad 48. 3.).
 3. Ole Johannes Johanson, fødd 16-3 1828, gift 1) i Klepp 23-4 1851 med Ingeborg Karina Jonasdtr. Sirevåg, d. 8-3 1857, gift 2) 8-4 1858 med Julianne Øksnevad. Budde på Engelsvåg i Klepp.
 4. Judithe Eliasdtr., f. 20-11 1834, gift i Klepp 8-3 1878 med Ola Olson Engelsvåg.
8. Rakel Halvarsdtr., f. 29-7 1798, d. på Næsheim 16-2 1804.
9. Marta Malena, f. (1803?), gift 6-7 1847 med Ole Gunderson Tvedt frå Stavanger, 60 år. — Marta Malena hadde 2 barn:
 1. Elen Kirstine Eliasdtr., f. 9-7 1827, gift i Klepp 22-3 1849 med Jonas Jonson Reiestad, sjømann (Reiest. 75. 3.).
 2. Anna Maria Eliasdtr., f. 14-2 1834. Far til begge var Elias Kristoferson Lintjörn.
70. Hans Ellingson var son til Elling Hansson Rugland i Varhaug og kona, Anna Gregoriusdtr. — Anna var syster til Siri Gregoriusdtr. som var gift med Torjus Pederson og Kristofer Rasmusson (34. og 48.). Hans var fødd kring 1747, død 10-4 1820, gift 1) med Gitlaug Olsdtr. Bø (46.), fødd kring 1744, død på Mauland (5-1 1794?), gift 2) i Time (1794?) med Berta Simonsdtr., fødd 1753, død på Bø 28-8 1821, dotter til Simon Tørresson og Siri Torkelsdtr. Grøtheim i Time. Hans Ellingson hadde butt ei stund på Næsheim, då han i 1793 byksla dei 4y2 sp. i Mauland, som Halvar Nilsson hadde brukt. I 1802 byksla han 12 spand i Bø (Skatteberget) av Rasmus Hansson Bø, etter Mons Monsson. Han hadde 5 barn i første gifte, som alle var fødde før han kom til Mauland, andre gifte var barnlaust:
 1. Ola, f. 1779, d. 7-3 1814, ugift.
 2. Anna, f. 1781, gift 1-6 1806 med Elling Asbjørnson Opstad (Opstad 46.).
 3. Elling Hansson Bø, f. 1784 (80.).

4. Ingeborg, f. 1787, gift 10-12 1813 med Omund Olson Vig (sjå S-Varhaug 73.).
5. Gitlaug, fødd på Halleland i Varhaug 19-10 1789, gift 4-2 1813 med Asbjørn Asbjørnson Skretting (sjå Voll i Varhaug 68.).

Eg skuldar å gjera merksam på at eg ikkje har noko fullgodt prov for at Gitlaug Olsdtr. var frå Bø. Men i 1758 tente den nemnde Gitlaug Olsdtr. Bø på Næsheim hjå Nils Olson Bø som då budde på Næsheim. Og då det har vore uråd å finne noko annor Gitlaug Olsdtr. så har eg heft meg ved henne.

71. Rasmus Olson Grøtheim (Grøtheim 12. 4.) var fødd kring 1780, død 26-4 1849, gift 23-2 1805 med Anna Maria Helgesdtr. Bø (61. 1.), f. 3-6 1787, d. 1-6 1859. Då stud. med. Gabriel Lende for mange år sidan grov opp nokre graver på den gamle kyrregarden på Bø, sa Berte Bø at ei av dei gravene var Rasmus Olson si. Det var mor hennar som hadde fortalt henne det. I den grava var det eit kranium fullsett med friske tenner. — Då Rasmus var nær 70 år då han døde, så må me tvile om det kunne vore hans kranium som då vart funne. Og denne tvilen må verta endå sterkare, når me veit at han døde 5 år etter at kyrkja var flutt til Skjærpe. Det er all grunn å tru at Berte Bø eller mor hennar har misminnest. Rasmus Olson kjøpte dei 18 sp. av verfare, Helge Asbjørnson, i 1809 for 100 rdl. I 1838 fekk han eit lån i Norges Bank på 200 spd. mot pant i garden. Dei fekk 12 barn:

1. Anna, f. 5-6 1805, gift 8-12 1833 med enkjemann Lars Olson (97.).
2. Asbjørn, f. 3-5 1808 (83.).
3. Ola, f. 26-2 1810, d. 1825.
4. Malena, f. 6-7 1812.
5. Helge, f. 2-8 1813 (84.).
6. Hans, f. 12-8 1815, d. 3-9 1816.
7. Hans, f. 18-8 1817 (Næsheim 89.).
8. Rasmus Bø, f. 6-8 1819 (99.).
9. Anna Malena, f. 11-2 1822, gift i Time 7-6 1848 med Jonas Tørresson Frøyland. Budde på Mælsheia i Klepp.
10. Ingeborg Gurine, f. 7-4 1824, gift 1) 7-3 1854 med Elling Asbjørnson Valdeland (Valdeland 9. 5.), gift 2) 10-12 1858 med skipstømmermann Berge i Stavanger (Berge Salomonson).
11. Ola, f. 17-10 1826, gift i Stavanger 21-10 1853 med Gurine Knutsdatter Østbø, f. i Stavanger 1833. Skomakar i Stavanger.
12. Gabriel, f. 21-6 1829, d. 14-9 1908, ugift.

72. Rasmus Olson (Josep-Rasman), son til 53., f. 1778, d. 30-5 1868, gift 1) 3-11 1811 med Kirsten Josefsdtr. Bø (59.), f. 1-2 1789, d. 22-3 1820, gift 2) 16-11 1820 med Ingeborg Nilsdatter, f. på Lanes i Bjerkreim 1790, d. 14-11 1876, dotter til Nils Villasson Ueland frå Lanes og kona Guri Mauritsdtr. frå Maudal (Ueland 41. 4.). Rasmus kjøpte 16 sp. av verfare i 1811 for 300 rdl. Han fekk 4 barn i første gifte og 6 i andre:

1. Berta Elisabet, f. 14-6 1812, d. (1825?) ugift.
2. Elisabet, f. 10-7 1813, gift 8-6 1862 m. enkjem. Tore Kristianson Søyland (Søyland 34.).
3. Johanna, f. 14-11 1816, gift 9-11 1842 med David Johannesson Ogna i Stavanger.
4. Barbro, f. 7-1 1820, gift 13-11 1845 m. Jakob Ingebretson Skrettingland (Skrettingland 19.).
5. Ola, f. 26-4 1822, d. 27-6 same året.
6. Ola Rasmusson Bø, fødd 17-7 1823 (100.).
7. Nils Bø, f. 24-12 1825 (101.).
8. Rasmus, fødd 3-8 1828, — gift i Stavanger 17-6 1863 med enkja Edvardine Severine Larsdatter, fødd i Sokndal 1833. Han var bygningsmann i Stavanger.
9. Kirstine, fødd 9-4 1830, — gift 2-4 1857 med Peter Olson Skjærpe (sjå Vigre 50.).
10. Ingeborg Gurine, f. 9-5 1833, gift 15-6 1866 med Martin Sivert Nilsson Orstad i Klepp.

73. Reiar Tollakson Grøtheim var son til Tollak Reiarson Grøtheim i Time og kona, Marta Kristofersdtr. frå Skårland. Han var f. 1763, d. på Gjero 24-12 1841, gift 18-3 1795 med enkja etter Jon Gunnarson (56.), Karen Gunnarsdtr., gift 2) 30-3 1817 med Elen Assersdtr. Vigre, f. 1770, d. 2-5 1846 (Vigre 30. 3.). — Han budde på Holen under Bjorland i 1800, og har vel kome der då Halvar Nilsson kom til Gjero. I 1801 budde han hjå Svale Svenson på Ano under Opstad og kom nok til Gjero att, då Halvar Nilsson flutte til Næsheim kring 1803. Han hadde ikkje barn. — Elen hadde ein son u. e.: Abraham Olson, f. 1809, gift i Time 1839 med Marta Knutsdtr. Nubben i Time.

74. Ola Olson Gjero var son til Ola Rasmusson Håland i Varhaug og kona, Berta Olsdtr. (Håland, Varh. 32. 1.). Han var f. 1782, d. 12-4 1819, gift 7-10 1816 med Karen Olsdtr., f. 1781, d. 18-2 1857, dot-

ter til Ola Torkelson Tunheim og kona, Karen Eriksdr. Ola kom til Gjero i 1816. Han hadde berre ei dotter:

Gjertrud Maria, f. 7-8 1817, gift med Siver Svenson Rongen (Kvia 37.).

75. Nils Omundson Gjero, son til 62., f. 6-6 1790, d. 12-7 1855, gift 2-12 1819 med enkja etter Ola Olson, Karen Olsdr. Han tok over Gjero etter Ola. Nils skulle vore ein glup spelemann med fela, og han var mykje nytta som kjøkemeistar i vertskap. Plassen Gjero låg under det bruket der Nils var fødd, då visst seinare. Nils og Karen fekk 3 barn:

1. Olina, f. 3-6 1820, gift 27-5 1847 med Torsten Torstenson Refsland. Budde på Heddå under Skretting (Skrettingland 28.).
2. Omund, f. 2-6 1823 (sjå Torland 60.).
3. Elen Karina, f. 19-3 1827, gift med Tønnes Svenson Bø (90.).

76. Rasmus Rasmusson Skjeraberget, son til 56. og bror til 68. Han var fødd kring 1775, død 10-4 1866, gift 9-6 1816 med Elen (Eli) Jakobsdr., f. i Varhaug 1779, d. 9-3 1869, dotter til Jakob Johannesson Tvihaug og kona, Torborg Eriksdr. (Tvihaug 25. 2.). Rasmus hadde vore skulemeistar. I 1827 kjøpte han dei 18 sp. som broren Tore hadde brukt. Han flutte då ned til Skjeraberget, der han truleg bygde alle husa frå nyom. Broren Tore, som var nygift å kalla, tok følge og vart buande på den gamle plassen. Dei kalla han Tore på Torjå, så det må ha vore ein møtestad for grannane og folk som ferdast til kyrkja. Truleg var det ved dette bil at sume av dei andre gardsfolka tok til å flytje ut frå det gamle tunet. Rasmus og Eli på Skjeraberget fekk berre 2 barn:

1. Berta, fødd 5-3 1817, gift med Jonas Jonson Bø (81.).
2. Rasmus Bø, f. 27-12 1821 (87.).

77. Sven Omundson, son til 62 og bror til 75., var f. 1784, d. 2-6 1856, gift 1) 16-1 1814 med Anna Johanna Svensdr. Vigre, f. 6-5 1792, d. 19-1 1816 (Vigre 33. 4.), gift 2) 23-6 1816 med Ingeborg Toresdr. Gudmestad, f. 13-11 1791, d. 30-9 1866 (Gudmestad 23.). Sven kjøpte dei 16 sp. av faren si dødsbu i 1812 for 770 rdl. — Bruket hans var dei seinare bnr. 9 og 10. I dei tider låg nok husa lenger oppe mot gardstunet. — Den første kona døde på barnseng med eit dødfødd barn. Med den andre hadde han 3 barn:

1. Omund Svenson, f. 11-6 1817 (88.).
2. Anna Johanna, f. 13-6 1820, gift 2-11

1854 med Ola Jonson Næsheim. Budde ei tid på Bø (89.).

3. Tønnes Svenson Bø, fødd 13-3 1823 (sjå 90.).

78. Ola Helgeson, son til 57., var f. 1784, d. 16-4 1852, gift 4-10 1818 med Torborg Jakobsdr. (Tvihaug 25. 6.), f. 29-3 1789, d. 3-8 1844. — Ho var syster til Eli på Skjeraberget. Som nemnt under 57., hadde Lars Pederson Kvia kjøpt dei 16 sp. av fru Valentinsen. Men alt i 1803 kjøpte Ola Helgeson att dei 16 sp. av Lars Kvia for 150 rdl. Det var sjølvsgagt faren som gjorde det i sonen sitt namn, men Ola står i futerekneskapen frå 1803. Ola og Torborg fekk 8 barn:

1. Helge Bø, f. 21-4 1819 (86.).
2. Guri, f. 4-10 1820, d. 21-11 1831.
3. Torborg, f. 12-3 1822, gift 13-4 1852 med Jonas Johannesson Varhaug. — Budde i Stavanger (S-Varhaug 61. 5.).
4. Johanna, f. 27-1 1824, d. (1825?).
5. Johanna, f. 10-6 1825, gift 1) med Ola Kristoferson Goa i Randaberg, gift 2) med Tønnes Goa.
6. Ola, f. 17-3 1831 (sjå Gudmestad 45.).
7. Jakobe, f. 27-6 1829, d. 8-12 1855, sinnsjuk.
8. Erik, f. 27-1 1834, d. 22-1 1899. Han var sjømann, seinare bakar og budde ei tid på Bø, der han dreiv bakeri og selde brød til slusken då Jærbana vart bygd. Det er fortalt at han ei tid var kusk hjå far til Alexander Kielland. Erik var ikkje gift.

79. Lars Skiljanson Løgesteinen var son til Skiljan Larsson Arestad i Time og kona Johanna Pedersdr. frå Kvia. Han var fødd i Time i 1786, død 6-7 1837. Gift 7-11 1819 m. Ingeborg Pedersdr. Rongen (Djøseland, Varhaug 25. 1.), fødd 1791. Lars Skiljanson var den første som me veit om har butt på Løgesteinen. Han og broren Peder vart tidleg farlause og kom til skyldfolk på Kvia, der dei vaks opp. Dei hadde 4 barn:

1. Siver Larsson, f. 25-5 1820, tente på Høyland i Time i 1854. I 1860 kom han frå Tegle i Time til Heigre som tenar. I 1875 kom han i teneste hjå Ole Sørensen Nygård i Sandnes.
2. Malena Larsdr., f. 7-3 1823, gift i Eigersund 15-12 1850 med Omund Vellasson Ueland (Ueland, Varh. 51. 4.).
3. Johanna Larsdr., f. 15-2 1826, gift 1-11 1850 med Elling Omundson Høyland (Høyland 88. 3.).
4. Peder Larsson, f. 6-6 1829, reiste til Sola i 1848, var seinare mursteinfor-

mar på Sandnes, gift med Dorthea Abrahamsdotter, f. i Nærbø (1823?).

80. Elling Hansson, son til 70., var fødd i 1784, død 30-1 1876, gift 4-7 1813 med Guri Omundsdtr. Bø (62. 4.), fødd 1792, død i Stavanger 9-3 1869. Elling byksla dei 12 sp. i Bø (Skatteberget), av Rasmus Hansson Bø og Rasmus Hansson Reime, etter faren i 1834. Dei fekk 12 barn:

1. Omund Ellingson Bø (94.).
2. Gitlaug Ellingsdtr., f. 29-5 1815, d. 26-12 1890, ugift. Hadde to barn u. e.:
 1. Jonas Gunnarson, f. 4-11 1837 (sjå Bjorheim 26.).
 2. Gabriel Pederson, f. 3-9 1846, gift 15-10 1874 med Olina Monsdotter Grøtheim i Time. Budde på Grøtheim, seinare på Garborg i Time.
3. Hans Ellingson Bø (95.), f. 2-11 1816.
4. Elen Ellingsdtr., f. 18-11 1818, gift med Gabriel L. Ueland (sjå der 64.).
5. Elling Ellingson, f. 13-11 1820, d. i Stavanger 26-5 1883, gift i Stavanger 28-10 1853 med Anna Kirstina Hansdotter Pollene frå Nedstrand. Han var bygningsmann i Stavanger.
6. Gabriel, f. 2-4 1822, gift 1) 1-6 1847 med Taletta Tollaksdotter Skjærpe (Skjærpe 20. 6.), gift 2) 25-3 1856 med Lea Olsdtr. Bø (61. 5.). Han var arbeidsm. i Stavanger.
7. Ole Johannes, f. 28-6 1827, gift med Stine Maria Reiarstr. Skjæveland, Grannes. Budde på Sørnes ved Hafsfjord.
8. Berta, f. 1825, gift 12-4 1855 med Ola Olson (Lerbrek 31.).
9. Anna Guria, f. 12-6 1829, gift 20-3 1862 med Johannes Berntson Engelsvåg (sjå Ånestad 87.).
10. Abraham Ellingson, f. 10-11 1831, gift 22-12 1863 med Rakel Johannesdtr. Haugland i Time. Budde i Stavanger.
11. Nils, f. 1-7 1834, gift 26-11 1861 med Gurina Andersdtr. Garborg. Budde på Garborg. Systersonen, Gabriel Pederson Grøtheim, fekk seinare bruket hans på Garborg.
12. Jonas Ellingson, f. 5-4 1837, d. 10-4 1876, gift 11-5 1857 med Berta Malena Ivarsdtr. Herigstad i Varhaug. Budde ei tid som husmann på Bjorheim. Seinare i Stavanger (Bjorheim 25.).

81. Jonas Jonson, son til 67., var f. 8-8 1804, d. 4-5 1865, gift 28-6 1935 med Berta Rasmusdtr. Bø (76.), f. 5-3 1817, d. 14-12 1898. Jonas byksla 1 pund av Kastrup i 1824 etter faren. I 1876 løyste enkja inn bruket for 1300 spd. Dei fekk 9 barn:

1. Jon Bø, f. 8-8 1837 (127.).
2. Rakel, f. 9-1 1841, d. 24-6 1876, ugift.
3. Rasmus, f. 28-11 1843, d. 11-5 1869.
4. Jon, f. 22-8 1846, d. 30-12 same året.
5. Elen, f. 19-10 1847, gift 6-4 1876 med Rasmus Asbjørnson Skjærpe (Skjærpe 35.).
6. Johan, f. 8-3 1851, d. 23-10 1909, ugift. Han var ein glup spelmann, men var sjuk og sengeliggjande mange år før han døde.
7. Berte, f. 15-3 1854, gift med Tobias Håland på Bø (131.).
8. Jonas, f. 28-12 1856, d. 26-3 1881, ugift.
9. Tobias, f. 28-4 1860, gift i Stavanger 19-10 1892 med Anna Elisabet Valentinsen, f. i Stavanger 7-9 1872. Han var bygningsmann, seinare urmakar. Dei siste åra budde han på Nærbø hjå systera Berte som var enkje.

82. Lars Eliasson Dysjaland var son til Elias Olson Dysjaland og kona, Ingeborg Larsdtr. frå Refsland (Dysjaland 27. 3.). Han var f. 26-1 1812, d. 10-6 1879, gift 2-4 1840 med Elisabet Kirstine Rasmusdtr. Bø (66.), f. 1-6 1813, d. 17-1 1871. Lars kjøpte 1 pund av verfare i 1840 for 100 spd. I 1848 selde han til Gabriel Eivindson Mossige for 1300 spd. og flutte til Reiestad i Varhaug. Dei fekk 2 søner: Rasmus og Elias (sjå Reiestad 35.).

83. Asbjørn Rasmusson, son til 71., f. 3-5 1808. Han kjøpte dei 18 sp. av faren i 1839 for 300 spd. + følge til foreldra. I 1846 selde han til broren Helge for 300 dalar + følge til seg sjølv og foreldra. Sidan gifta han seg og byksla ein gard på Næsheim (sjå der 98.).

84. Helge Rasmusson, bror til Asbjørn, var f. 2-8 1813, d. 27-7 1853, gift 23-3 1848 med Elisabet Åndesdtr. Garborg, f. 22-9 1818, d. 1-10 1879. Helge kjøpte farsgarden av broren Asbjørn i 1848 for 300 dalar + følge. Då han var død gifta enkja seg med Kristian Nord-Varhaug. Helge hadde 3 barn:

1. Rasmus, f. 25-2 1850 (122.).
2. Anna Maria, f. 4-2 1849, d. 16-4 s. å.
3. Ådne, f. 28-8 1852, d. 14-2 1881. Han budde på Nærbø st. og var skomakar. Ugift.

85. Jon Hansson Løgesteinen (Næsheim 75. 5.). Han var fødd 8-5 1818, død på Herikstad i Time 7-2 1890. Gift 6-4 1841 med Kirsten Pedersdotter Torland (Torland 47. 1.), fødd 19-4 1809. Jon Hansson byksla Løgesteinen av enkja Elisabet Åd-

nesdotter, Rasmus Rasmusson d.y., Helge Olson, Ola og Nils Rasmussøner, Hans Ellingson, Rasmus Rasmusson d.e. og Hans Gabrielson i 1855. Dei flutte nok seinare frå Nærbø, og korkje Jon eller Kirsten er gravlagde der. Dei hadde 4 barn:

1. Peder Jonson Løgesteinen, f. 20-8 1842 (105.).
2. Jonas Jonson, f. 28-3 1845, d. 15-10 1879, ugift.
3. Henrik Jonson, f. 2-6 1848, d. 26-7 1873. — Han var bygningsmann og drukna saman med Simon Simonson Motland, då dei lauga seg.
4. Berta Malena Jonsdtr., f. 28-12 1852, d. 6-8 1887, gift 27-3 1879 med Peder Olson Oddebakken. Budde på Line i 1880, på Herikstad i Time i 1887.

86. Helge Olson Bø, son til 78., f. 21-8 1819, d. 26-6 1893. Gift 1) 28-3 1844 med Marta Malena Kvia, fødd 19-5 1821, død på barnseng 14-7 1844, gift 2) 11-11 1846 med Kristina Kvia, f. 26-7 1817, d. 18-4 1883 (Kvia 31. 8. og 7.). — Helge Olson kjøpte 16 spand av mora si dødsbu i 1844 for 500 dalar. Det er truleg at det var Helge som flutte husa frå Gards-tunet til den staden der dei nå står. Denne parten, bnr. 14 og 20, har hovedbolet i Sulio. — Helge hadde 6 barn i andre gifte:

1. Óla Helgeson, f. 19-2 1849, han var sjømann og døde av tyfus eller kolera ein stad i utlandet.
2. Karl Helgeson Bø, f. 12-5 1851 (124.).
3. Taletta, f. 21-2 1854, d. 19-7 1856.
4. Marta Malena, f. 15-5 1847, gift med Johannes Line (148.).
5. Henrik Bø, f. 24-12 1856 (123.).
6. Tobias Helgeson, f. 13-12 1859 (132.).

87. Rasmus Rasmusson Skjeraberget, son til 76., var f. 27-12 1821, d. 10-11 1898, gift 1) 17-3 1846 med Judithe Kristine Tørresdtr. Kvia, f. 17-11 1827, d. 4-7 1864 (Kvia 34. 11.), — gift 2) 11-4 1867 med Rakel Andreasdtr. Lode, f. 22-12 1839, d. 21-12 1909 (Lode 49. 4.). Rasmus kjøpte Skjeraberget av faren i 1846 for 100 spd. + følge til foreldra. I 1848 fekk han eit statslån på 300 dalar. Bøndene var lite vane med å styre store pengesumar i dei dagar, og det var mang ein bonde-mann som lånte seg til fant. Pengane vart ofte brukte til andre ting enn det dei var meint å brukast til. Og så gjekk det gale. Renta og avdrag måtte svarast i rett tid, og innkoma var ofte lita og uviss. Det gjekk med bit og slit. — Dei fleste greidde det, sume greidde det til ei tid.

Rasmus greidde det i 20 år. Då vart garden sett til tvangsauksjon, Omund Ellingson fekk tilslaget for 1500 dalar. — Rasmus kjøpte så ein part i Djøseland, som og var busliten (Djøseland 48.). Der greidde han det 6 år, til 1889. Sidan sleit han seg fram som lausarbeidar på opptak og steinbrot kvar det fall seg. Han fekk banen sin då han ville bore opp eit mine-skot som ikkje hadde "gje-e av". Då gjekk skotet, og ikkje lenge etter døde han. — Rasmus hadde 10 barn, 3 i første gifte og 7 i andre:

1. Elen, f. 16-12 1846, gift 22-6 1871 med Sven Motland (Motland 24.).
2. Rasmus, f. 21-1 1857, gift i Stavanger 10-6 1883 med Karen Larsdtr. Furnæs frå Vang i Hedemark, f. 16-12 1855. Han var sjømann, seinare busett i Nord Dakota.
3. Taletta Kristina, f. 2-4 1862, d. i Amerika, gift 8-7 1887 med Lars Torkelsen Lauperak, f. 1853.
4. Anna Regina, f. 27-8 1867, gift 25-1 1895 med enkjemann Elias Nærland (Nærland 48.).
5. Justine, f. på Dysjaland 20-2 1869, gift med Asbjørn Olson Pollestad i Klepp, f. 3-10 1866.
6. Anna, f. 28-2 1872, gift i Amerika med Hans Torkelson Lauperak.
7. Rasmus Rasmusson Bø, f. 13-11 1873, d. 1964, gift 9-8 1897 med Karen Pauline Pollestad, d. 14-12 1965, 91 år. Budde på Pollestad.
8. Tobias Djøseland, f. 19-1 1877, d. 15-11 1905, ugift.
9. Elen Djøseland, f. 25-10 1879, d. 9-11 1898, ugift.
10. Serina Djøseland, f. 22-7 1882, gift 1906 med Håvar Hansson Undem. Ho døde på barnseng 8-1 1907.

88. Omund Svenson, son til 77., var fødd 11-6 1817, død 8-8 1852. Omund hadde teke over 16 spand etter faren i 1840 for 300 dalar. Han var visst gift, men eg veit ikkje kven kona var, og ho var død før Omund, for den 2-7 1855 selde Sven Omundson, som einaste og myndige arving etter sonen Omund Svenson Bø, som då var død for 3 år sidan, 16 spand i Bø til versonen, Ola Jonson Næsheim for 700 dalar og følge til seg og kona Ingeborg Toresdtr. Dette kaupet gjaldt heile garden med plassen Gjero.

89. Ola Jonson Næsheim (Næsheim 84. 2.), kjøpte som nemnt bnr. 9 og 10 m. f. etter Omund Svenson Bø i 1855. Ola var gift 2-11 1854 med Omund si søster, Anna

Johanna Svendsdotter, fødd 13-6 1820, død 9-6 1856. Då kona var død barnlaus, selde han garden til verbroren Tønnes Svenson og flutte til Sør-Reime (sjå der 28.).

90. Tønnes Svenson Bø, bror til 88., var fødd 13-3 1823. Gift 3-12 1847 med Elen Karine Nilsdotter, fødd 19-3 1827 (75. 3.). Dei var syskenbarn. — Tønnes Svenson kjøpte bruket av verbroren Ola Jonson i 1856, og tok samstundes over plassen Gjero, 17) spand, som arv etter systera Anna Johanna. I 1860 var der eksekusjon hjå Tønnes Bø for skuld til Jonas Henrikson Sør-Tjemsland, og garden må då ha vorte seld til Johannes Gabrielson Skrutland, og Tønnes hadde flutt til Gjero. I 1861 selde han Gjero til Johannes Osmundson Garborg og flutte til Stavanger (eller det var Sandnes?). — 9 barn var fødde på Bø og 1 i Stavanger:

1. Sven Tønnesson, f. 3-11 1848, d. 16-11 same året.
2. Nils Tønnesson, f. 14-1 1850, gift med Nikolina Omundsdtr. Torland (Torland 60. 2.). Sjømann og budde i Stavanger.
3. Karen, f. 3-11 1847, d. 19-12 1848.
4. Sven Tønnesson, f. 31-10 1852, gift 1) 27-3 1885 med Karen Malena Karlsdtr. Eghom frå Bakke sokn, f. 1847, d. 12-5 1888, gift 2) 5-12 1902 med Elisabet Ingebretsdtr. Rongen (Kvia 36. 6.), f. 18-3 1848, d. 3-11 1925. Sven var mange år i arbeid på Næsheim. Seinare hadde han ein liten gard på Lode (Lode 76.).
5. Omund, f. 2-7 1854, d. 13-11 s. å.
6. Jon, f. 11-1 1856, d. 14-1 s. å.
7. Ingeborg, f. 7-2 1857, gift med Mons Jonasson (145.).
8. Karen, f. 11-12 1858, d. 1-7 1859.
9. Tobias, f. 1-9 1860, d. 30-5 1866.
10. Elen Karina, f. i Stavanger 12-7 1864, gift med enkjemann Mons Jonasson (145.).

91. Johannes Gabrielson Skrutland brukte denne parten **1860/62, 14V6** spand. Eg veit ikkje om han hadde kjøpt eller berre forpakta. (Sjå Bind II Soma 92.)

92. Lars Gabrielson Braut kjøpte denne parten i 1862. Han var son til Gabriel Eivindson Sør-Braut og Taletta Larsdtr. frå N-Braut. Fødd 21-10 1827, død 2-6 1862, gift i Time 19-6 1849 med Maria Olsdtr., f. på Grøtheim i Time 20-11 1828. Lars hadde nok berre halve bruket, bnr. 9. Lar§ Gabrielson vart ikkje lenge på Bø. Alt i 1867 hadde Tobias Nilsson teke

over dette bruket. Sidan var han ei tid på Skjærpe, men reiste seinare til Amerika. 7 barn var fødd på Grøtheim, men berre ei dotter veit eg om: Elisabet Sofia Larsdtr., f. 21-6 1850, gift med enkjem., bakar på Nærbo, Theodor Anda.

93. Gabriel Gabrielson Grada, — son til Gabriel Olson Gruda i Klepp, fødd 25-5 1826, død 16-5 1911, — gift med Grete Elisabet Gunnarsdotter, fødd i Oagna 15-1 1855, død 22-11 1930, dotter til Gunnar Børildson Kverme og kona Karen Elisabet Salvesdtr. Gabriel var bror til 98. Han var skreddar og var vanleg kalla ^skreddaren”. Kring 1865 (1862) kjøpte han den andre halve parten av bruket hans Tønnes Svenson, bnr. 10, og det var vel då husa vart flutte til der dei seinare har stande, rett nord for Dyrshaug. Gabriel og Grete Elisabet fekk 6 barn:

1. Birgitte Bø, f. 21-4 1877, gift 25-3 1896 med Erik Toreson Lode (sjå Anestad, Varhaug 90. 1.).
2. Karen Bø, f. 25-10 1878. — Busett på Algård.
3. Gustine Bø, f. 23-11 1880, gift 12-3 1901 med Ole Andreas Ellefson Handeland, frå Sirdal. Budde i Ganddal.
4. Gerhardine, f. 12-5 1883, d. 25-6 1886.
5. Gerhard Bø, f. 25-4 1887, d. i Amerika, ugift.
6. Gabriel Bø, f. 6-8 1889, d. 6-7 1919, ugift.

Då Gabriel var død brukte enkja og yngste sonen, Gabriel, garden til sonen døde. Då vart garden sundlema og seld til andre.

94. Omund Ellingson, son til 80., var fødd 28-7 1813, død i Stavanger 3-8 1891. Gift i Høyland 1-6 1843 med Johanna Elisabet Jonsdotter Fjermestad, fødd i Time 4-8 1820, død i Stavanger 8-12 1890. Omund kjøpte 6 sp. av Rasmus Hansson Reime av faren sitt bruk, Skatteberget i 1841. I 1847 selde han same til broren Hans. Sidan budde han ymse stader til han i 1868 kjøpte Skjeraberget, bnr. 6 av Rasmus Rasmusson si konkursbu. I 1870 selde han Skjeraberget til Mikal Skjæveland for 1200 dalar + følge. Sidan budde han i eller nær Stavanger. Dei hadde 9 barn, men ingen var døypte i Nærbo. Eg skriv dei opp likevel:

1. Ingeborg, f. 8-3 1844, gift 12-7 1876 med snekker i Stavanger Nils Larsson Lode, f. 1848, truleg son til Lars Nilsson og Elen Helgesdtr. (Lode 41. 1.).
2. Gurine Omundsdtr., f. 28-3 1846, gift 1) med bakar i Stavanger, Ole Olson.

3. Johanna Omundsdtr., f. 22-9 1848, d. 1906, gift med Hans Bertinius Lode, f. 20-5 1853, d. 1922.
 4. Jon Omundson, f. 10-11 1851, d. 1898, gift med Anna Birgitte Gabrielsdtr.
 5. Elen Omundsdtr., f. 3-6 1854, d. 6-6 1939, gift med organist Lars Andreas Askeland, f. 30-11 1856, d. 2-7 1930.
 6. Olina Omundsdtr., f. 31-5 1857, d. 23-9 1922, gift 12-5 1887 med bokhandlar Torger Torgersen i Stavanger, f. 27-9 1850, d. 24-6 1907.
 7. Lars Omundson, f. 10-4 1860, gift 5-3 1890 med Gine Theodora Mauritzen, f. 1864.
 8. Julius Marselius Omundson, f. 29-5 1863, d. 22-5 1941, ugift.
 9. Jakob Omundson, f. 26-8 1867, d. 19-6 1913, gift med Dagmar Alida Danielson, f. 10-1 1875.
95. Hans Ellingson Bø, bror til 94., var f. 2-11 1816, d. 11-1 1908. Gift 10-4 1845 med Berta Mikkelsdotter Opstad, f. 13-10 1818, d. 18-3 1888 (Opstad 55. 1.). Hans kjøpte dei andre 6 spand på Skatteberget av Rasmus Hansson Bø og Rasmus Hansson Reime i 1842 for 200 dalar, og i 1847 kjøpte han dei 6 spand av broren Omund. Truleg var det Hans Ellingson som bygde dei første husa på Skatteberget, og så sat foreldra og systera Gitlaug att i dei gamle husa heime i gardstunet. — Hans og Berta fekk 7 barn:
1. Inger Hansdtr., f. 10-11 1847, d. 7-5 1866.
 2. Gurina Hansdtr., f. 21-11 1849, gift 20-12 1870 med Ole-Johannes Olson Sletthei, fødd i Varhaug 21-11 1846 (sjå Sør-Tjemsland 34. 3.).
 3. Berta Hansdotter, f. 21-9 1851, gift 16-11 1870 med David Davidson Åsen, frå Time. Smed i Stavanger.
 4. Elen Hansdtr., f. 28-10 1853, gift 16-11 1877 med Johannes Larsson Ueland i Stavanger (Ueland 65. 4.).
 5. Maria Hansdtr., f. 15-7 1855, gift 26-10 1888 med Ola Olson Grøtheim, fødd i Time 11-12 1850, død 17-3 1916. Han var smed på Nærbø. Barnlaus.
 6. Hanna Hansdtr., f. 30-8 1857, d. 21-2 1886, ugift.
 7. Enok Hansson Bø, fødd 2-9 1859 (sjå 129.).
96. Gabriel Eivindson Mossige, fødd 5-7 1817, gift i Klepp 4-3 1840 med Berta Sofia Eilevsdtr. Bore. Gabriel kjøpte bnr. 4 og 5 (Auno og Kvidaland) av Lars Eliasson i 1848 og selde same til Hans Gabrielson og Lars Olson i 1851 og flutte til Mossige. Ei dotter f. på Bø, Berta Elisabet, f. 9-2 1848.
97. Lars Olson Høyland, son til Ola Taraldson Høyland i Helleland. Fødd 1806. Han hadde butt på Orstad i Klepp. I 1851 kjøpte han bnr. 5, Kvidaland, av Gabriel Mossige. I 1852 selde han same til Rasmus Rasmusson Bø og flutte til Lode (sjå der 54.).
98. Hans Jørgen Gabrielson Grada, bror til 93., var fødd i Klepp 2-2 1824, død 8-1 1899, ugift. Han kjøpte bnr. 4, Auno, av Gabriel Mossige i 1851 for 800 dalar. Husa stod i dei tider nede i det gamle Bø-tunet, og Hans Gabrielson og Lars Olson delte huset i to og flutte eine helvta til Auno og den andre til Kvidaland. Hans hadde med seg faren og mora og ein fosterson, Marselius Olson, som seinare fekk garden.
99. Rasman Rasmusson (Rokka-Rasman) var son til 71., f. 6-8 1819, d. 3-8 1908, gift 29-3 1849 med Guri Hansdtr. Kvaselbakken, f. 6-4 1823, d. 6-11 1905, dotter til Hans Toreson Kvaselbakken frå Hauglands-Gjero og kona, Malena Rasmusdtr. (Hobberstad 43. 3.). — Rasmus kjøpte Kvidaland av Lars Olson i 1852 for 700 spd. I ungdomen var han bygningsmann og var med Tollak Gudmestad og bygde fleire kyrkjer, millom andre Nærbø kyrkja. Sidan vart han ein kjend rokkedreiar og stolmakar. — Han var til vanleg kalla Rokka-Rasman. Den gamle stova som stod då han kom på garden skøyte han på med ei ny, og sette ellers huset i stand. Det er det same huset som står og brukast ennå, meir enn 100 år sidan. Det gamle vart teke vel vare på der i garden, og det torer vel henda at der ennå finst snikkerverkty som er burt imot 100 år gammalt. Kanskje kunne det vere noko for Rogaland Folkemuseum å sjå på. Rasmus og Guri fekk 3 barn:
1. Ingeborg Malena, f. 4-4 1850, gift 29-5 1873 med Joakim Klepp.
 2. Anna Maria, f. 20-2 1856, d. 5-5 1857.
 3. Rasmus, f. 7-11 1860 (125.).
100. Ola Rasmusson (Josep-Ola) var son til 72, f. 17-7 1823, d. 20-2 1885, gift 4-4 1848 med Olina Tørresdtr. Kvia, fødd i Gjesdal 1818, d. 14-8 1876 (Kvia 34. 7.). Ola kjøpte halve farsgarden eller 10 sp. i 1852 for 375 spd. + y2 folge til foreldra. — Ola hadde ikkje barn. Men dei hadde ei fosterdotter, Berta Serina Ga-

brielsdtr. som fekk garden (120.). Ola var smed som faren hadde vore. Han skodde øykjer og smidde både hestesko og saum sjølv.

101. Nils Rasmusson, bror til Ola, var f. 24-12 1825, d. 20-12 1903, gift 7-11 1853 med Malena Sivertsdtr. Kvia, f. 21-3 1832, d. 15-4 1883 (Kvia 38. 1.). Nils tok over 6 sp. av faren i 1852 for 225 spd. + $y\%$ følge til foreldra. — Dette var bnr. 13, Storægro. Nils var skomakar og sadelmakar. Han var og ein drivande bonde og braut opp frå nyom mykje jord, så det vara ikkje lenge før han stod jamt med broren Ola i buskap og dyrka jordvidd. Kona til Nils var systerdotter til Ola si, og i motsetnad til Ola, som var barnlaus, fekk Nils 13 barn:

1. Rasmus, f. 31-7 1854, gift 3-3 1887 med Gustava Gabrielsdtr. Fotland. Budde på Taksdal og Lende i Time.
2. Ingeborg, f. 1-10 1855, gift 4-11 1886 med snikker Jonas Jensson Brekken på Nærbø (sjå S-Varhaug 90. 6.).
3. Maria, fødd 29-12 1856, død 1-4 1885, ugift.
4. Sem Bø, f. 29-9 1858 (128.).
5. Ola, f. 4-3 1860, d. 15-11 1884, ugift.
6. Malena, f. 18-3 1862, gift 25-6 1886 med enkjemann Sem Svenson Årrestad i Helleland frå Nese i Gjesdal. — Deira son er trelasthandlar Knut Årrestad på Nærbø.
7. Nils, f. 9-2 1864, gift med Torborg Halvardsdtr. Malde. Budde på Madla.
8. Ole Olai, f. 11-10 1865, gift med Olina Omundsdtr. Fotland i Eigersund. — Han var murmeister i Eigersund.
9. Tobias Bø, f. 9-4 1867 (157.).
10. Berta Elisabet, f. 5-1 1869, d. 2-9 1894, ugift.
11. Anton Johan, f. 14-2 1871, gift med Anna Sebulonsdtr. Han var gartner i Eigersund.
12. Gurina, f. 25-1 1875, gift 5-10 1900 med Peter Hansson Vestly. Mange år styrar ved Nærbø Meieri, der Gurina hadde vore meierske.
13. Olina, f. 23-9 1877, gift med Ingvald Torgersen. Røyrlegger i Sandnes.

102. Ola Olson Spogarhodl var son til Ola Olson Gjertholen under Voll i Varhaug og kona, Sara Adnesdotter (Voll 69. 4.). Han var f. 18-12 1828, d. på Salte 21-8 1921, gift 19-10 1852 med Ane Berte Jensdtr. Høneland, f. 20-12 1828, d. 17-5 1898 (Auamotland 12. 2.). Ola var den første som budde på Spogarhodl, som var husmannsplass under bnr. 6 Skjeraberget.

Han byksla denne plassen i 1852. — Dei fekk 6 døtre:

1. Silje Johanna, f. 8-8 1853, gift 27-3 1885 med Jon Rasmusson Rugland. — Budde i Klepp.
2. Elen, f. 1-1 1857, gift 24-10 1878 med Jon Abrahamson Salte.
3. Olina, f. 20-1 1860, gift med Martin Johan Håvardson Undheim.
4. Justine, f. 27-6 1863, gift 4-4 1889 med skomakar Nils Andreas Johannesson Åre.
5. Ane, f. 18-7 1866, gift 29-11 1894 med Tønnes Pederson Salte.
6. Olette, f. 12-11 1869, gift med sjømann Asbjørn Asbjørnson Pollestad, f. 3-10 1866.

103. **Osmund Johannesson Garborg**, son til Johannes Osmundson Garborg og andre kona, Anna Malena Osmundsdtr. Han var f. 29-3 1827, gift 2-7 1855 med Rebekka Svensdtr. Garborg, f. 1833, d. 12-12 1894. Det var nok faren, Johannes Osmundson, som kjøpte Gjero i 1861, og han er oppført i futerekneskapen i 1862. Men det var Omund som budde der, så han har vel teke over plassen av faren og står som eigar frå 1862 til 1897. Han må ha butt på Bø alt i 1859, då eit barn er døypt der ifrå. Han hadde 8 barn:

1. Johannes, f. på Garborg (i Stavanger?) 1857, gift 28-3 1889 med Marta Maria Larsdtr. Kleppe, f. 3-8 1868. Budde på Fosse.
2. Sven Bø, f. på Bø 30-12 1859, d. på Bryne, gift med Anna Malena Eriksdtr. Sæland i Time, f. 17-5 1858. — Budde på Vestly.
3. Olaus Osmundson Torland, fødd 12-6 1862 (Torland 80.).
4. Karl Osmundson, f. 15-10 1846, gift med Johanna Idsø i Stavanger.
5. Rebekka, f. 19-5 1867, gift med Tobias Helgeson Bø (132.).
6. Taletta, f. 26-11 1869, gift med Ola Isakson Sæland, Time.
7. Anna Malena, f. 25-4 1871, d. på Vestly 24-1 1906, ugift.
8. Maria Osmundsdtr., f. 25-8 1876, død ugift.

104. **Kristian Larsson Nord-Varhaug**, son til Lars Larsson Nord-Varhaug og kona Berta Kirstina Larsdtr. (sjå N-Varhaug 30. 4.). Han var fødd 15-2 1829, død på Sør-Reime 9-2 1914. Den 14-1 1857 vart han gift 1) med enkja etter Helge Rasmusson Bø (84.), Elisabet Adnesdotter, som døde 1-10 1879. Gift 2) 15-7 1881 med Rakel Jorina Olsdotter Torland (Torland

49. 7.), fødd 1-3 1850, død 1897. Kristian budde på Bø så lenge den første kona levde. Då gav han frå seg bruket til styk-sonen, Rasmus Helgeson, og flutte til Sør-Reime (sjå der 35.).

105. Peder Jonson Løgesteinen, son til 85., var fødd 20-8 1842, død på Risa 7-6 1892. Gift 9-4 1867 med Berta Serina Olsdotter Haugland i Varhaug (sjå der 22. 5.), fødd 1-12 1844. — Ho budde som enkja på Risa i 1900. Peder budde ei tid på Håland i Varhaug, men kom til Løgesteinen kring 1880. Kring 1890 kom han til Risa (sjå der 87.). Dei hadde 8 barn:

1. Kirstine Pedersdr., f. i Varhaug 16-9 1867, d. 28-7 1869.
2. Ole Pederson Risa, f. på Haugstad i Varhaug 4-1 1870. Gift 24-3 1893 med Rakel Serina Olsdr. Risa.
3. Kirstine Pedersdr., f. på Håland i Varhaug 10-10 1872.
4. Serina Pedersdr., f. 7-5 1876, gift 6-4 1900 m. Johan R. Kvia (Ødemotl. 22.).
5. Jon Pederson, f. 3-4 1879, var skomakar i Klepp.
6. Bertine, f. på Løgesteinen 21-11 1882.
7. Peder Pederson Risa, f. 19-2 1886, gift med Elen Jørgine Tobiasdotter Stovebakken i Ognå. Budde på Vigrestad.
8. Henrik Johan Pederson, f. på Risa 10-7 1891, d. 19-2 1892.

106. Tobias Nilsson Orstad, var son til Nils Osmundson Orstad i Klepp og kona Taletta Tolleivsdotter frå Undheim. Han var fødd i Stavanger 22-5 1833, død på Rongen 3-5 1906. Gift 8-11 1863 med Rakel Torgersdr. Lomeland, f. i Gjesdal 26-9 1842, d. 2-7 1921. Tobias kjøpte bnr. 9 av Ola Jonson i 1866, som Lars Gabrielson Braut (92.) hadde brukt. I 1878 selde han til Ola Hansson Orre og flutte til Rongen, men heldt att eit stykke på Dalane, nå gnr. 22, bnr. 19, og same året selde han ein part til Enevald Anda, gnr. 22, bnr. 15. Dei hadde 7 barn som alle tok namnet Kvia:

1. Nikolai Kvia, f. 16-5 1864, gift i Stavanger 25-10 1885 med Gina Josefine Amalie Halvorsen. Reist til USA.
2. Tønnes Kvia, f. 27-7 1868, gift med Karen Malmeim. I USA.
3. Tobias Kvia, fødd 19-12 1871, reist til USA.
4. Taletta Olava Kvia, f. 28-8 1873, gift med Hans Eivindson Risa (Kvia 56.).
5. Gabriel Kvia, f. 11-5 1878, d. 6-5 1961, gift 27-2 1899 med Emilie Lunde i Høyland, f. 27-9 1877. Busett på Anda i Klepp.

6. Reinert Kvia, f. 8-6 1881, d. i Amerika.
7. Rakel Gurina Kvia, f. 18-5 1884 gift m. Rasmus Jonson Refsnes (Refsnes 8.).

107. Sven Helgeson Dysjaland, — son til Helge Svenson Dysjaland frå Anestad og kona, Maren Larsdr. (Dysjaland 46.). Han var f. 24-2 1834, d. 11-7 1908, gift 1) 8-4 1863 med Tabitta Mikkelsdr., f. 9-12 1836, d. 22-2 1866, dotter til Mikkel Torjusson Ueland i Varhaug og kona, Margreta Svensdr., gift 2) 6-11 1866 med Elisabet Henriksdr., f. 1838, dotter til Henrik Rasmusson Hetland i Ognå. Sven byksla Bøbakkane av Rasmus Rasmusson Kvidaland frå 1870. Han hadde 2 barn i første gifte og 3 i andre:

1. Taletta, f. på Dysjaland 30-7 1863.
2. Søren Mikal, f. 8-2 1865.
3. Helmik, f. 12-7 1868.
4. Theoline, f. 21-7 1869.
5. Albret, f. 18-6 1873, d. i Stavanger 1924, — gift med Rakel Olava Tønnesdr. Varhaug, f. i Stavanger 20-5 1877, d. 28-2 1968. Han var skomakar i Stavanger. Så vidt eg veit var ingen av dei andre barna gifte.

108. Endre Svenson Gausland (Gausland 20. 7.) var husmann under bnr. 6 Skjeraberget, Endrestykket, det seinare Nordal bnr. 23.

109. Omund Svenson Gausland (Gausland 19. 2.) kjøpte Støberget av Hans Ellingson i 1866 for 150 spd. Han var f. 4-10 1805, død på Bøbakkane 11-1 1890, gift 2-12 1832 med enkja etter Tollak Omundson Skjærpe, Tala Toresdr. frå Våland. Budde seinare på Fenet under Torland. Han hadde ikkje barn. (Skjærpe 22.)

110. Abel Sivertson Høyland (Høyland 69. 5.) var f. 31-8 1844, d. 11-3 1923, gift 19-12 1871 med Guri Abrahamsdr., f. 5-9 1845, d. 18-7 1907, dotter tik Abraham Asbjørnson Valdeland og Ingeborg Pedersdr. frå Lerbrek. Abel var husmann på Høyland i 1865, men var komen til Bø før 1875. I 1878 fekk han skjøte på Støberget frå Hans Ellingson. Abel var kjøkemeistar og bedemann. — Han gjekk rundt og bad skyldfolk og grender til brudlaups og likferds. Og denne skikken heldt seg til langt inn i dette hundraåret. Han hadde 3 barn:

1. Anna, f. 11-12 1872, d. 28-11 1957, gift 8-11 1919 med Rasmus Torkelson Ueland, i 18-3 1864, d. 15-10 1940. Anna

- var skreddar og Rasmus var skomakar. Dei budde ved Nærbø stasjon.
2. Ingeborg, f. 9-9 1876, d. 18-4 1881.
 3. August A. Bø, f. 18-11 1884 (159.).
111. Mikal **Gabrielson Skjæveland** var son tli Gabriel Ådneson Orstad i Klepp (frå Edland) og kona Maria Johansdtr. Orstad. Han var f. 1844, gift 26-11 1868 med Ane Olsdtr. Skjæveland, f. 24-11 1847. Mikal kjøpte Skjeraberget av Omund Ellingson (94.) i 1870 for 1200 dalar + følge. I 1872 selde han til Gabriel Edland. Ein son var fødd på Bø:
1. Gabriel Edland, f. 13-9 1871, gift med Jorina Foss Eikeland. — Budde på Orstad.
112. Gabriel Torgerson **Edland**, son til Torger Torgerson Edland i Gjesdal og kona, Guri Toresdtr. frå Madland. Han var f. 12-2 1842, d. i Stavanger 1907, gift i Klepp 4-4 1870 med Marta Maria Berland, f. 24-11 1847, d. 1937, dotter til Ole Johannes Tjølson Berland på Øvre Håland i Time og kona, Berta Gurina Torgersdotter Håland. Gabriel hadde forpakt eit bruk på Skeie i Klepp. — I 1872 kjøpte han bnr. 6 av Bø (Skjeraberget) av Mikal Skjæveland. I 1885 selde han same til broren Martin Edland. — Dei hadde 10 barn, 2 fødde i Klepp, 6 på Bø og dei 2 yngste truleg i Gjesdal:
1. Girine Edland, f. i Klepp 24-5 1870, død i Amerika.
 2. Torger G. Edland, f. på Skeie 28-12 1871, død på Sandnes 21-4 1961, ugift. Han var bygningsmann og budde ei tid på Kjosavik i Høyland.
 3. Berta Edland, f. på Bø 25-4 1873, gift m. bakar Lars Larsen (Skjærpe 43.).
 4. Ola Edland, f. 6-2 1875, død ugift. Han gjekk sersjantskulen, men reiste sidan til Amerika.
 5. Gabriel G. Edland, f. 14-2 1877, d. 1-10 1959, gift 1) med Elisa Olava Jåtten, gift 2) med Karen Reilstad, Finnøy. Han var bygningsmann og budde sist på Finnøy.
 6. Maria Edland, f. 30-7 1879, gift med Olaus Lima, f. på Jåtten, d. 15-12 1963. Budde i Madlalio.
 7. Magnus Edland, f. 30-10 1881, d. 1960, gift m. Inger Maria Håland, Kvitsøy. Budde der.
 8. Elen Edland, f. 14-7 1883, gift 1906 m. Peter Gabriel Barakiasson Sæland, f. i Time 11-6 1879. Budde på Lura.
 9. Signy Edland, f. i Gjesdal, gift med Jakob Jåtten.
 10. Trygve Edland, f. i Gjesdal 17-3 1889,
- gift med Maren Eskeland. Gartner på Brualand i Høyland.
113. **Ola Hansson Orre**, son til klokkar Hans Jonson Orre i Klepp. Fødd 29-6 1833. Mor hans var Helga Olsdotter frå Høyland (sjå der 61. 5.). Gift 28-11 1865 med enkja etter Osmund Friestad, Bergitte Reiarstr. frå Hauge i Klepp. Ola kjøpte bnr. 9 av Tobias Nilsson i 1878 for 4000 kroner. I 1881 selde han til Morten Nilsson og reiste til Amerika. Ein son:
1. Lars Johan Olson var fødd på Bø 5-12 1878.
114. **Ola Svenson Reime** (Ola Adlesta) kom som husmann til Dalane under bnr. 9 kring 1865. Han døde der 18-4 1891 (sjå meir om han på Reime 44.).
115. **Martin Andreasson Dalane** var frå Lode, son til Andreas Andreasson Lodebrådet (Lode 49.). Han var fødd 29-10 1843, død 31-1 1926. Gift 18-7 1871 med Ingeborg Berte Grøtheim, fødd 2-1 1845, død 23-4 1891 (sjå Grøtheim 18. 1.). — Martin byksla Dalane av Gabriel Gabrielson (93.) i 1873 og kjøpte plassen i 1886. Martin Dalane dreiv med jord og **steinarbeid**, og var **mykje nytta som gråsteins-murar**. Dei hadde 9 barn:
1. Ingeborg Maria, f. 14-1 1871, gift med Knut Lura.
 2. Andreas Nærbø, f. 16-3 1872, gift i Stavanger 6-2 1895 med Gurine Oline Gabrielsdotter Finnestad, f. 29-6 1870. Han var murmeister på Sandnes.
 3. Martin Martinson, f. 20-1 1874, d. 8-6 1893.
 4. Anna Dalane, f. 4-7 1876, d. 1957, gift m. Andreas Bertin Hansen, f. i Bergen 1876. Budde på Lura.
 5. Ingeborg Berte, f. 4-3 1879, d. 21-7 1896.
 6. Marta, f. 23-8 1881, d. 7-1 1893.
 7. Marta Dalane, f. 2-10 1883, d. 27-11 1962, ugift. Ho dreiv spøteforretning på Nærbø.
 8. Olina Dalane, f. 17-1 1886, gift 18-8 1906 med Ingvald M. Lode (Lode 62. 2.), d. 1958. Han var målar og busett på Ganddal.
 9. Serina Dalane, f. 23-8 1889, gift 1909 med Adolf Tobiasson Malde, f. 1877, d. 31-7 1960.
- Martin Dalane og dottera Marta selde all jorda til byggetufter.
116. **Lars Jonasson**, son til Jonas Larsson Djøseland i Varhaug (sjå der 32. 3.). Han var fødd 27-8 1841, død 2-1 1931, gift 6-10

1871 med Karen Maria Gabrielsdotter Gausland, fødd 22-5 1851 (Kvia 45. 1.). Lars byksla først ein plass under bnr. 14, Veien, kring 1877, som han kjøpte i 1889. I 1897 selde han dette til broren Mons og kjøpte Løgesteinen. — Seinare selde han Løgesteinen til Laurits Fuglestad og forpakta ei tid på Åno på Opstad av staten, men kjøpte så att Løgesteinen og budde der sidan. Dei hadde 8 barn:

1. Kristina L. Bø, f. på Gausland 14-12 1871, død på Heimtun 29-5 1951, ugift.
2. Gabriel Larsson, f. på Bø 23-4 1875, død i USA.
3. Jonas L. Bø, fødd 31-3 1878, død på Sjernarøy 1957, gift m. Sisilie Holmen, Ombo i Hjelmeland. Budde på Sjernarøy.
4. Kajus L. Bø, f. 31-3 1881, gift med Hanna Jonasdr. Fosse. Kajus død i Montana, der dei budde.
5. Lars, f. 22-3 1884, d. 7-5 same året.
6. Maria L. Bø, fødd 5-3 1890, gift med Nikolai Ueland (sjå der 87.).
7. Lars L. Bø, f. 25-2 1893 (sjå 166.).
8. Marta L. Bø, f. 12-6 1895. Bur i Stavanger, ugift.

118. **Peder Ingvald Andreasson Søyland** (Søyland 30.), var på Løgesteinen i 1891. Han budde seinare på Topdal i Oгна. Ein son fødd på Løgesteinen:

1. Valen Johan, f. 21-4 1891. Bur på Fossfjell i Oгна.

119. **Ole Ole-Johannesson Våland** (Våland 27. 6.). Han var fødd på Årestad i Time 21-2 1842. Kom til Løgesteinen i 1893 etter Ingvald Søyland. Eg veit ikkje om han åtte garden eller berre var forpaktar. Seinare budde han på Oma i Time og på Bryne. Det var etter han Lars Jonasson kom.

120. **Karl Olson Lende**, son til Ola Toreson Lende i Time og kona Asselina Svensdr. frå Njå. Han var fødd 16-11 1847, død 30-11 1932, gift 16-3 1877 med Berta Serina Gabrielsdotter, fødd i Stavanger i 1853, død 12-12 1917, dotter til Gabriel Gunnarson Hadland i Oгна og kona Guri Toresdr. frå Kartevoll. Berta Serina var fostra hjå Ola Rasmusson Bø (100.), som var syskenbarn til mor hennar. — Karl Lende kjøpte bnr. 12 av Ola Rasmusson i 1878 for 2800 kroner + folge. Dei fekk 9 barn:

1. Ole Karlson Bø, f. 2-3 1878 (160.).
2. Olaus K. Bø, f. 7-8 1880, d. 29-6 1964, gift 20-6 1908 med Elen Maria Søyland, f. 22-9 1878, d. 18-2 1961 (Søyland 41.).

Olaus brukte Bø ei stund etter ein tur i Amerika. Sidan var han slipar hjå Underhaug på Nærbø, og sist mekanikar ved jernbanen på Vaulen.

3. Olina K. Bø, f. 20-4 1883, d. 10-2 1965, gift 4-10 1914 med Gunvald Haugstad (Haugstad, Varhaug 51. 8.).
4. Anton Bø, f. 23-12 1883, d. i Amerika 12-12 1916, ugift. Anton tok over garden av broren Olaus etter ein tur i Amerika. Ikkje lenge etter reiste han til Amerika att, og omkom då ved ei ulukke. Han arbeidde som snikker ved jernbanen i Montana. Etter han fekk broren Ola garden.
5. Gabriel K. Bø, f. 1-9 1888, d. Seattle 28-6 1968, gift 1) i Montana med Laura Helgeland, gift 2) med Lena. Han var busett i Montana, der han hadde farm. Seinare i Oregon. Gabriel var med i første verdskrigen.
6. Karl Bø, f. 22-2 1891, død i Frankrike i første verdskrig, 8-12 1918, ugift.
7. Anna, f. 26-1 1894, gift med Bjarne Oskar Næsheim, i Stavanger.
8. Gurine, f. 30-3 1896, d. 25-4 s. å.
9. Gunleiv Bø, fødd 27-3 1898, gift med Jenny Birgitte Eriksen, f. 29-6 1897. Han er bakar og handelsmann på Varhaug.

121. Morten Nilsson Fuglestad son til Nils Torgerson Fuglestad i Oгна og kona Guri Mortensdr., f. 23-8 1828, d. 27-12 1900, gift 1) 5-7 1855 med Malena Tønnesdr. frå Åse i Eigersund, f. 1830, d. på Auestad i Varhaug 6-12 1878, gift 2) 3-7 1879 med Ane Einarsdr., f. i Høyland 30-5 1853, d. i Montana, — dotter til Einar Mikalson Årsvoll frå Fuglestad i Oгна og kona Ane Karine Torgersdr. Morten budde først ei tid på Brådet av Fuglestad. Sidan ei tid på Auestad (Varhaug 45.). I 1882 kom han til Bø. Han fekk skjøte på bnr. 9 i 1890 for 4000 kroner (Ola Hansson sin part). Morten hadde 5 barn i første gifte og 9 i andre:

1. Guri Malena, f. 1857, d. på Bø 24-11 1898 ugift.,
2. Nils Lode, f. 11-10 1859 (Lode 72.).
3. Maria, f. 11-8 1862, d. 31-1 1878.
4. Tønnes, f. 8-11 1867, d. 1961. Reiste **fji Arnprik?**)
5. Martin, f. 8-11 1867, gift 14-4 1889 med Regina Gabrielsdr. Høyland, f. 10-2 1875 (Høyland under 144.). Reist til Amerika.
6. Einar, f. på Auestad 12-4 1880, gift i Montana med dotter til Kornelius Skårland.
7. Mikal, f. 19-11 1881. Reist til Amerika.

8. Anna Kirstina, f. på Bø 21-12 1883, gift i Amerika med Peder Pederson Bjorland (Bjorland 22. 8.), gift 2) med Myre.
9. Anna Maria, f. 24-5 1885, gift 26-4 1901 med Gabriel O. G. Lea. Reist til Amerika.
10. Theodor, f. 30-3 1887. Reist til Amerika.
11. Malena, f. 4-5 1889. Reist til Amerika.
12. Nils Magnus, f. 22-12 1890. Reist til Amerika.
13. Torsten Olai, f. 7-5 1893. Reist til Amerika.
14. Karl Martin, f. 19-12 1896.
Enkja og dei yngste barna som ikkje var reiste før, reiste til Amerika i 1903. Versonen, Gabriel Lea, hadde teke over bruket i 1900. I 1903 kjøpte Enok Hansson dette bruket.
122. Rasmus Helgeson, son til 84., f. 25-2 1850, d. 18-7 1887, gift 25-5 1881 med Ane Olsdr. Lende, f. 22-3 1857, syster til 120. Ved skiftet etter faren vart bruket, bnr. 7, skrive over på Rasmus for 1000 spd. — Stykfare, Kristian Larsson, hadde brukt det. Han gay frå seg til Rasmus, då mora, Elisabet Adnesdr., var død. Då Rasmus var død dreiv enkja garden med hjelp av broren Ola Olson Lende. Kring 1908 vart garden seld til Rasmus Rasmusson d. y. og Ane og sonen Hans budde sidan på Nærbo stasjon. Rasmus hadde 3 barn:
 1. Hans Bø, f. 20-1 1882. Han var sjukleg og døde ugift i 1940.
 2. Ola R. Bø, f. 17-7 1883, gift med Kristine Stangeland. Han var handelsm. på Nærbo, sidan på Klepp og sist i Stavanger.
 3. Elisabet, f. 9-6 1887, d. 27-1 1962, gift med Kornelius Moen i Strand.
123. Henrik Helgeson, son til 86., f. 24-12 1856, d. 1943, gift 24-5 1883 med Berta Elisabet Lende, f. 23-5 1864, d. 31-2 1944, dotter til Tore Larsson Lende i Time og kona, Olina Olsdotter. Han kjøpte halve farsgarden, 2 mark 52y2 øre, bnr. 20, i 1889. Henrik var bygningsmann. — Han bygde alle husa frå nyom på sin part nordanom bygdevegen. Han var ein sosialt interessert mann og var mykje med i det kommunale styr og stell. 9 barn:
 1. Helge Bø, f. 10-5 1884, gift 7-10 1905 med Klara Thu. — Han var stasjonsmeistar ved Jærbana, sist i Egersund.
 2. Kristina, f. 9-10 1886, gift 8-8 1908 med Torkel Høyland. Hamnearb., seinare fiskehandlar på Nærbo (Reime 50. 1.).
 3. Tore Bø, f. 20-8 1889, d. 8-4 1932.
 4. Olina, f. 5-8 1892, gift 31-12 1914 med Halvar Karlson Undheim. Handelsm. på Undheim.
 5. Tora, f. 20-11 1897, gift 29-12 1921 med Johan Georg Høyland, f. 1892. Stasjonsmeistar.
 6. Halfdan Bø, fødd 1-7 1895, gift med Margareta Wefring. Han er målar i Stavanger.
 7. Ola H. Bø, f. 25-10 1900. Då broren Tore døde tok Ola over garden. Han er ikkje gift.
 8. Berta Elisabet, f. 8-6 1903.
 9. Teresia, f. 18-5 1905.
 124. Karl Helgeson, bror til Henrik, f. 12-5 1851, d. 21-11 1926, gift i Stavanger 30-8 1890 med Tomine Jonasdr., enkja etter sjømann (Einar?) Eriksen i Stavanger, f. i Stavanger 19-6 1855, d. 6-6 1899. Ho var dotter til Jonas Johannesson frå Vårhaug og kona, Torborg Olsdr. frå Bø (sjå 78. 3.). Karl var bakar og bakte ei tid i Stavanger. Han arbeidde og ei tid i apotek. Men han var kanskje best kjend som barber. I 1889 tok han over halve farsgarden, bnr. 14, av skuld 2 mark 52y2 øre. Samstundes selde faren plassen Sørbo eller "Veien" som det mest var kalla, til Lars Jonasson (116.). Karl fekk 3 barn, og hadde dessutan 2 stykbarn:
 1. Erling Eriksen, f. i Stavanger, gift med Theodora Håversen frå Stavanger. — Han var sjømann.
 2. Jenny Tormona Eriksen, f. 4-6 1881, d. 12-12 1962. Budde på Bø.
 3. Klara Bø, f. 12-2 1891, gift 11-10 1919 med Adolf Wohlgefahrt (168.), fødd i Tyskland 1883.
 4. Herman Bø, f. 22-3 1893, d. 19-7 1898.
 5. Karsten Bø, f. 19-8 1895, gift 22-9 1923 med Olga Kristine Salte, f. 13-11 1901. Han er murar på Sandnes. Karsten Bø var eit musikalsk geni, og alt i 5 års alderen var han med i felekappleik i Stavanger Teater. Og ennå, meir enn 60 år etter, kan han trylla fram gamle slåttar og tonar, når han får kalken av fingrane og fela mellom hendene. Han har og ei litterær åre og luftar ofte idear og meiningar i den lokale pressa, både i vers og prosa.
 125. Rasmus Rasmusson (Kvidaland), — son til 99., var fødd 7-11 1860, død 6-3 1947, gift 30-11 1883 med Sille Maria Mauland, f. 17-12 1858, d. 10-11 1942, dotter til Jonas Olson Mauland i Time og Ane Berte Olsdr. frå Garborg. Rasmus tok over farsgarden, bnr. 5, i 1893. Sidan



R. R. Bøe med familie ca. 1902.

kjøpte han ættegarden, bnr. 7. — Dette bruket var då mykje nedsløpt både husa og jorda. Rasmus bygde alle husa frå nyom og sette jorda istand med grøfing og hevdning, og det vara ikkje lenge før det var på høgd med det ein kunne krevje av eit gardsbruk på Jæren, som i våre dagar ikkje er så radt lite. Sille Maria og Rasmus hadde 4 søner og 3 døtre. Det var midt i den verste amerika-råsa kring 1900, og dei 2 eldste sønene fylgde strau- men til Montana alt før dei var vaksne å kalle. Den eldste døde der nokre år seinare. Men den andre slo seg på saue- al og vart ein halden mann. Dei 2 yngste sleit heime. Der var nok å hekte hændene i. To gilde gardar låg og venta på dei. Og romfrek som Rasmus var, bygde han endå eit hus for seg og kona, som fram- leis var både helsuge og arbeidsglade, men vel mest med tanke på døtrene. Så kom slaga. Først døde den eine av sønene og så den andre. — Og då så dei gamle døde i høg alder, sat dei 2 gjentene att med 3 gardar å kalle. Den eine pakta dei bort, men den andre, Kvidaland, sleit dei med sjølv lenge, med lita og mest ikkje karmanns-hjelp. Det var eit vanleg syn å sjå Anna baskande med plog og så- maskin eller på sjølvbindaren, eller i overhal og stivlar på veitegraving. — Men dei var nå oppi 50 - 60 åra, og eit menneskje kan ikkje meir enn det kan. Dei vona på broren i Montana i lengste laget. Men det var for seint. Han var vorten meir enn 70 år. — Og barna er amerikanarar og ville lite kunna funne seg til rettes med ein liten jordalapp på Jæren. Så selde dei Kvidaland til Leiv Gausland. Kristian Fuglestad, som har pakta den andre garden mange år, ville visst meir enn gjerne kjøpt han. Men det er så sin sak å la ein gard som har vore i same ætta i 400 år gå til framande. Men den gamle Bø-ætta er ikkje utdøydd,

så det torer ennå henda at ein ætling av dei gamle står fram og byd seg til å bera arven vidare i fedrane fotefar. — Rasmus og Sille sine barn var:

1. Rasmus, f. 29-7 1885, d. i Montana 1922. Han let etter seg 3 barn
2. Jonas, f. 4-4 1887, gift 1) i Montana m. Elida Helvig, gift 2) m. Gertrud.
3. Gurine, f. 29-3 1890, d. 27-12 1902.
4. Anna, f. 12-1 1892, d. 19-6 1966, ugift. Budde på Bø.
5. Reinert, f. 6-10 1894, d. 23-3 1924, ugift.
6. Sven Magnus, f. 11-2 1898, d. 1940, ugift.
7. Inga Malena, f. 5-11 1900. Bur på Bø, ugift.

126. **Martin Torgerson Edland**, var bror til 112. Han var fødd i Gjesdal 14-6 1839, død 19-1 1913. Gift 1) 6-6 1870 med Elen Sofia Larsdotter Lima, fødd i Gjesdal 7-9 1850, død 1884, dotter til Lars Pederson Lima og kona Elen Larsdr. Gift 2) 10-5 1885 med Gurina Abrahamsdotter Nærland, fødd 23-5 1860, død 11-6 1933 (sjå Nærland 34.). Martin Edland kom til Nærbø som forpaktar av Haa prestegard saman med broren Torger, kring 1870. Han hadde før yore elev ved Jordbruks- skulen på Austrått, og ei tid tenestedreng hjå Budde. Etter han slutta på Haa, var han ei stutt tid forpaktar på prestegar- den på Rennesøy. Martin Edland var ein av føregangsmennene for rasjonelt jord- bruk i Haa. Både jordbruksrekneskapen hans frå haa-tida og folketellinga i 1875 syner det. Me skal ta nokre døme frå 1875. Til vanleg var så-mengda på dei største bruka då y2 tunne rug, y2 til 1 tunne bygg, 5 tunner havre, 5 tunner poteter, 1 til 10 skålpund grasfrø, og i nokre få høve opptil y2 mål turnips. På Hå sådde dei 1 tunne rug, 3 tunner bygg, 10 tunner havre, 10 tunner poteter, 40 pund grasfrø og 3 mål turnips, og dess- utan 1 mål grønfør. Av husdyr var der 2 hestar, 2 føl, 12 kyr, 3 kviger, 80 sauer og 1 gris. Til samanlikning kan me ta Køhler på Næsheim med 5 hestar, 1 okse, 30 kyr og 3 griser, men ikkje ein einaste sau. Der sådde dei 15 tunner havre, 10 tunner poteter. Punktum! Den einaste som etter jordvidda låg føre Haa-garden var Torger Edland på Nærland, som då var bureisar å kalle. Han hadde 2 hestar, 1 føl, 1 okse, 8 kyr, 3 kviger og 1 gris, og sådde y2 tunne rug, % tunne bygg, 4 tunner havre, 25 pund grasfrø, 5 tun- ner poteter og 1 mål turnips. På Bø kom Martin Edland til ein tung- vint og vanstelt gard. — Alle husa var

til nedfalls, og det meste av den dyrka jorda var brattlendt. Men der var store vidder god dyrkningsjord, både av mark og myr. Og Martin gjekk på med godt mod og tru på framtida. Først bygde han alle husa frå nyom, med fjøs til 20 naut, så folk meinte han var galen. Så gjekk han igang med grøfting og nybrot. Han hadde jamnt 4-5 leigefolk i arbeid. Og skulda auka med åra. Men så gjorde avdråtten i endå større mun, så både løa og fjøs snart vart i trøngste laget. Då kom lagnaden til hjelp. Løa brann i 1895. Så vart det å byggje på nytt, større og meir moderne enn det gamle. Men det var ikkje lenge før det og var for smått. Fjoset var fullt, men løa fullare. På garden var ein mergelbakke, og Martin mergel-køyrde all den dyrka jorda, både den nye og den gamle. Det var nok det som var største grunnen til den store avdråtten dei første åra. Men det er nok mykje i som det seiast, at mergel gjer rik far, men fattig son. — Etter nokre år vart myrane især utpinte og gav mindre og mindre avdrått, tross jamn god hevding. Martin Edland var konstituert lensmann, når haa-lensmannen, Nikolai Lima var på Stortinget. Han dreiv og mange år auksjonsforretning. Han var frihuga og framsynt og hadde stor samhug med det nasjonale frigjeringsarbeidet, og fråhaldsak og målsak var hjertesaker for han. Når eg skriv om han så mykje meir utførleg enn om nokon annan, så kjem det seg av at han var far min. Eg ville difor gjerne gje han eit ettermæle som var han verdig, så mykje meir som eg sjølv korkje på den eine eller andre måten kan makta å fylgje i fotefara hans, minst av alt som bonde. Men bygda, folket, hadde i Martin Edland og broren Torger to føredøme i praktisk og rasjonelt jordbruk, og mange var dei som tok lærdom av dei. Dei hadde begge Kongens medalje for borgardåd, og dette gjaldt først og fremst innsatsen deira i jordbruket. Martin Edland hadde ikkje barn i første gifte, men 11 i andre:

1. Eli, f. 26-3 1886, d. 1-6 1891.
2. Gunhild Edland, f. 2-7 1887, gift 31-10 1910 med enkjem. Haldor Jakobson, f. i Fjellberg Sunhordland 1877, d. i Montana 10-4 1961. Han var først handelsmann på Nærbø, seinare farmar i Montana.
3. Torger Edland, fødd 14-1 1889 (sjå 161.).
4. Gurid Edland, f. 26-8 1890, gift med Kristian Magnus Rangen (169.). Bur på Bø.

5. Abraham Edland, f. 20-4 1892, d. 15-7 1894.
6. Eli Edland, f. 1-9 1893, gift med Andreas Gerhard Berg Mauritsen, f. 1870, d. 3-1 1948. Farmasøit i Ståvanger.
7. Agna Edland, f. 24-2 1895.
8. Magne Edland, f. 2-9 1896, d. 16-4 1914.
9. Gudrun Edland, f. 2-4 1898, gift 14-9 1935 med Tobias Rasmusson Anestad, f. 16-12 1888 (sjå Kvía 59. 2.). Dei dreiv pensjonat på (Nærbø st. 88.).
10. Maria Elisabet Edland, f. 4-5 1900, d. 8-3 1923.
11. Helga Edland, f. 15-8 1904. Jordmor. Bur på Nærbø.

Det var av broren Gabriel Edland (112.) at Martin kjøpte bnr. 6, i 1885. Då han var død i 1913, tok sonen Torgeir Edland over halve bruket, og enkja, Gurina Edland sat med hovedbolet til 1926, då versonen, Magnus Rangen tok over.

127. Jon Jonasson, son til 81., f. 8-8 1837, d. 27-1 1893, gift 27-6 1886 med Anne Jonsdtr. Høyland (90.), f. 27-1 1849, d. 30-4 1913. Jon kjøpte halve garden av mora, 12 sp., bnr. 3 Udlaland, i 1876. Han bygde husa frå nyom. Då han var død, dreiv enkja garden til kring 1900, då ho selde til Enok Hansson, som straks etter selde til Andreas Undheim. Andreas selde til Johannes Line i 1902. — Anne budde så ei tid på Nærbø stasjon, men kjøpte sidan eit stykke av Morten Nilsson, Dalbakken bnr. 44. — Jon og Anne hadde 2 barn:

1. Jonas Bø, f. 7-2 1888 (170.).
2. Berte, f. 24-4 1891, d. 5-9 same året.

128. Sem Nilsson, son til 101., f. 29-9 1858, d. 8-4 1849, — gift 8-10 1889 med Anna Maria Aniksdal, f. 13-12 1864, d. 4-3 1934. dotter til Abraham Abrahamson (Aniksdal i Varhaug 61.) og kona Berta Kirstina Paulsdtr. Sem gjekk militærskulen i Kristiansand og gjorde tenest som underoffiser mange år og gjekk av som kommandersersjant. Han var og mykje nytta i det kommunale stell og var ordførar frå 1899 til 1913. Han var ein mann som alle såg opp til med tiltru og vyrnad, klok og stillfarande som han var i alt han fekk med å gjera. Han vanskyytta heller ikkje garden, men dreiv han på ein i alle måtar tidhøveleg måte, sjølv om det militære og det kommunale arbeid tok opp så mykje av tida hans. Han bygde alle husa frå nyom etter han hadde teke imot garden. Dei fekk 10 barn:

1. Malena, f. 24-8 1890, d. 19-3 1900.
2. Nils, f. 5-3 1892, d. 6-10 1894.
3. Kirstine, f. 21-12 1893, d. 11-4 1894.
4. Nils, f. 9-5 1895, gift 1938 med Selma Håland, f. 3-3 1901, d. 27-7 1960, dotter til Lars Svenson Øvre Håland i Time og kona, Olina Olsdtr. — Nils brukar nå garden (171.). Dei har ikkje barn.
5. Kirstine, f. 1-6 1897, d. 20-8 1932. Ho var sjukesyster.
6. Maria, f. 2-9 1899, d. 4-11 1968, ugift.
7. Malena, f. 30-4 1901. Ho er lærar.
8. Astrid, f. 1-7 1903, d. 14-7 1938.
9. Agna, f. 14-9 1905. Ho er sjukesyster.
10. Sigrid, f. 6-8 1907.

129. Enok Hansson, son til 95., f. 2-9 1859, d. på Norheim 12-10 1955, gift 20-9 1901 med Inger Halleland, f. i Varhaug 4-9 1874, d. 15-11 1954, dotter til Andreas Adamson Nor-Halleland i Varhaug og kona Karen Gitlesdotter frå Njørheim (Rugland 36. 4.). Enok tok over farsgarden, bnr. 15 Skatteberget, i 1894. I 1896 selde han til Ola Omundson Haugland. Sidan flakka han frå stad til stad. Budde først aust ved Flekkefjord på ein gard som heitte Grønsund. So kjøpte han Udlaland på Bø av enkja Anne Jonsdtr., og var der eit halvt års tid. So hadde han bnr. 9 på Bø eit års tid. Så eit par år på Haugland i Varhaug, og 5 år på Grønholen av Efjestad. I 1906 finn me han på Nærbø stasjon, og seinare på Urheia av Motland. So kom han til Tangen ved Bryne i 1930, og budde der til han døde. Han hadde 6 barn:

1. Hans, f. i Varhaug 8-2 1902.
2. Birgitte, f. på Bø 1-3 1903.
3. Karen Alida, f. 28-12 1905, gift med fabrikkengar Rasmus J. Skjæveland, Ganddal.
4. Hans, f. 22-8 1908. Bur på Tangen.
5. Inga, f. 3-9 1912, gift med Ingolf Vatland, Jørpeland.
6. Andreas, f. 25-9 1914.

Enok var ein lettliva og humørfyllt mann. Han hadde eit minne som få og kunne både fortelja sogor og segner og syngje gamle songar og viser. Han kunne mindre fylgje med i nymotes jordbruk, og liknast i så måte på skyldingen sin Karl Helgeson.

130. Marselius Olson, fødd i Stavanger i 1842, død 20-10 1923. Han var son til Ola Olson Todneim i Randaberg og kona Marta Sofia Rasmusdtr. frå Finnøy. — Faren var høkkar i Stavanger. Marselius kom til Gabriel Olson Gruda i Klepp,

då han var ganske liten. Sidan fylgde han med Hans Jørgen Gabrielson til Bø og vaks opp hjå han. Den 20-11 1879 vart han gift med Akseliana Ivarsdotter Vigre (Vigre 47. 4.), fødd 22-4 1854, død 31-1 1925. Dei budde først ei tid på Skjærpe (der 37.). I 1897 tok han over bnr. 4 (Auno) av Bø etter fosterfaren. Marselius har fortalt meg, at han var med då dei flutte det gamle huset frå den gamle tufta til Auno og Kvidaland i 1850. Dei saga det i to og sette det på drog og kørde ein part til Auno og ein til Kvidaland til dei nye tuftene. Marselius og Akseliana hadde 9 barn:

1. Marta Sofia, f. på Bø 25-1 1881, gift med Tobias N. Bø (157.).
2. Berte Bø, f. på Skjærpe 8-11 1882, gift med August Johan Opstad (Bø 153.).
3. Ole Johan M. Bø, f. på Skjærpe 12-7 1884 (158.).
4. Ivar M. Bø, f. 20-4 1888 (165.).
5. Anna Taletta Bø, f. 29-3 1890, gift med Ola K. Bø (160.).
6. Maria Bø, f. 21-3 1892, d. 8-5 1919.
7. Hans Jørgen Bø, f. på Skjærpe 4-4 1894 (Kvia 78.).
8. Berta M. Bø, f. på Skjærpe 16-9 1895, d. 21-7 1965, ugift, budde på Bø.
9. Lars, f. på Bø 14-12 1898, d. 26-12 same året.

131. Tobias Tønnesson Håland, son til Tønnes Tollakson Håland i Varhaug (sjå der 74.). Han var f. 30-9 1868, d. 7-12 1928, gift 10-4 1896 med Berte Jonasdtr. Bø (81. 7.), f. 15-3 1854, d. 13-3 1937. Tobias tok over bnr. 1 av vermora, Berta Rasmusdtr. i 1896. Han var veikhelsa, og stellet med garden vart der etter. Då han var død, vart garden seld på auksjon til Peder Risa. Enkja kjøpte då det huset Enok Hansson hadde på Urheia, og budde der saman med broren Tobias til ho døde. Tobias Tønnesson og Berte hadde hatt ein son:

Jonas, f. 1-2 1897, d. 24-4 same året.

132. Tobias Helgeson, son til 86. og bror til 123. og 124., f. 13-12 1859, d. 28-12 1901, gift 21-12 1888 med Rebekka Osmondsdtr. Bø (103.), f. 19-5 1867, d. 30-3 1917. Tobias tok over Gjero etter vefaren i 1897. I 1907 selde enkja til Jeremias Torgerson og flutte til Urheia ved Nærbø stasjon. Dei fekk 7 barn:

1. Kristina, f. 24-3 1889. Bur på Urheia.
2. Helge, f. 10-4 1891, d. 10-12 1902.
3. Regina, f. 8-8 1893, d. 5-4 1895.
4. Regina, f. 15-9 1895. Bur på Urheia.
5. Osmine, f. 4-3 1898, d. 4-11 1900.

6. Thorvald Bø, f. 17-3 1900, gift med Theresia Risa, Rongen. Bur nå på Bø.
7. Ole Tobias Ragnvald, f. 26-2 1902, d. 13-1 1903.

133. Ola Jakobson Indrebø var son til Jakob Henrikson Årdal og kona, Gitlaug Olsdr. (sjå Opstad 69. 3.). Han var f. 7-9 1853, d. 21-10 1918, gift 1-5 1884 med Rakel Maria Rasmusdr. Risa, f. 14-9 1854, d. 4-11 1933 (Risa 69. 7.). — Ola hadde butt på Berget av Gausland, då han i 1898 kjøpte ein part i den øvre Bømarka på Bakkane. Han kalla plassen Indrebø og tok sjølv namn etter det. Ola var all sin dag ein trugen slitar. — Dei første åra han budde på Bakkane var garden hans veglaus. Det er sagt at han bar heile mjølsekkjer frå Opstad og heim, kring 2 km. Han gjekk i arbeid ved Opstad Teglverk mange år. Sidan på stein og jordarbeid rundt i bygda. Kveldane brukte han til å rydja seg åkerlapper heime hjå seg sjølv. Det var smått med bustad-bidrag og byggjehjelp i dei dagar. Men så var folk heller ikkje så kravfulle som dei er nå. Ola på Bakkane var ein mann som mange kunne ta lærdom av nå. Der oppe på Bakkane, både i Bømarkene og Opstadmarkene og på Vå-



Ola Indrebø.

land, er veldige vidder som kunne og burde nyttast på ein heilt annan måte enn hittil. Kanskje er jorda der oppe sur og kald, men med rett stell kan det bli god åkerjord der det før vaks berre stort og myrfivel. Ola vart ingen gamal mann. Han sleit seg ut før tida. Han fekk ingen borgardåds-medalje. — Men garden han rудde i den veglaise villmarka skal stå som ein bauta over ein av Jæren sine adelsmenn. Rakel Maria og Ola Indrebø hadde 7 barn:

1. Grete, f. 3-5 1885, gift 22-12 1926 med Tulin Pollestad, f. på Lista 1896, d. 1-5 1952.
2. Jakob Indrebø, f. 12-7 1887 (164.).
3. Marta, f. 12-12 1888, gift med David Bore på Sele.
4. Rakel, f. 25-10 1890, gift 10-8 1912 med Omund Torland (Torland 92.).
5. Olina, f. 28-2 1893, gift med Martin Gabrielson Garborg, Time.
6. Rasmus, f. 16-11 1894, gift 5-3 1924 med Marta Nilsdr. Kvæstad frå Suldal, f. 1892. Bur på Sandnes.
7. Maria, f. 16-12 1896, gift med Gustav Egeland (Bjorh. 16.7.). Bur i Montana.

134. Olai Olson Dalane, son til 114., f. på Reime 1-8 1861 (Reime 44. 2.), d. 27-1 1946, gift 22-11 1889 med Anna Maria Olsdr. Kleppe, f. i Hjelmeland 1863. — Olai kjøpte byksleplassen Dalane av Morten Nilsson i 1882. Ved skyldsetninga 23-6 1882 heiter det: — "Olai Olsen har kjøpt sin faders husmandsplads Dalane, beliggende i syd mod G. Edlands eiendom, mod vest til Hans Rasmusens og Peder Odlands eiendom, imod nord til Tønnes Tostensens og Peder Njølstad og Svend Aarres eiendom." Olai dreiv som lausarbeidar attåt det vesle jordbruket. Han var mange år hjå Kornelius Olsen, og det var truleg han som braut opp det meste av jorda ved ysteriet i Bjorhaugs heia, og lødde opp alle steingardane der. I ungdomen, då Jærbana var ny, var han penslar (sporskiftar) på Nærbø. — Dei hadde 11 barn:

1. Oluf, f. 18-8 1890. Reist til Amerika og kom bort der.
2. Ole O. Nærbø, f. 7-7 1891, d. 5-8 1949, gift 18-6 1915 med Karoline Johanna Kloster. — Budde ei tid på Tvihaug, seinare på Kloster.
3. Anna, f. 18-7 1892, gift og budde i Hommersåk.
4. Theodora, f. 16-1 1894.
5. Olai Olsen, f. 25-2 1896.
6. Allette Maria, f. 21-6 1897, d. 24-8 1919.

7. Peder, f. 23-12 1898, d. 7-2 1899.
8. Peder, f. 15-7 1901.
9. Janna, f. 7-1 1903, d. 28-5 1958. Budde på Nærbø.
10. Sverre, f. 26-12 1904, d. 21-11 1906.
11. Sverre, f. 22-5 1909, gift 1931 med Berta Pedersdr. Idland, f. på Jåtten 25-6 1907. Bur på Jåtten i Hetland.

135. Abraham Tunheim byksla eit stykke i bumarka hans Martin Edland i 1890. Sjølv var han i Amerika (Montana), men kona og barna budde der. I 1898 var han heime og kjøpte då ein gard på Vestre Håland, der han budde sidan (Håland 31.).

136. Ola Andreasson Undheim — byksla denne plassen etter Abraham Tunheim i 1898. Han hadde buttt på Gudmestad (sjå der 53.).

137. Arnt Undem hadde buttt på Håland. I 1898 selde han garden på Håland og kjøpte Gudmestad av broren Ola som flutte til Bø. I 1899 kjøpte han byksleplassen på Bø av Martin Edland, og Ola flutte til Gudmestad att. Sidan budde Arnt på Bø til han døde i 1953. Han var f. på Undheim 25-9 1858 og vart såleis 95 år gamal. Han var ugift. Dei første åra hadde han hjå seg foreldra, Andres Åsbjørnson Under og Marta Maria, f. Årrestad. Sidan, då dei var døde var systerdottera, Maria Ueland hjå han. — Arnt var sauegjætar mest heile sitt liv. I dei unge åra låg han i Sirdals- og Setesdals-heiane. — Seinare i Montana mange år, og så, etter han hadde hatt nok av Montana, kring 1905, i høgheiane heime att til han var oppe i 70 åra. — Jorda gav han frå seg til Maria Ueland, og naut sitt otium hjå henne dei siste åra. Men han kunne aldri halda rolegt. Så lenge han kunne gå og sjå måtte han ut og sjå etter at det som skulle gjerast vart gjort.

138. Ola Omundson Haugland var son til Omund Helgeson Haugland i Time og kona Marta Olsdr. frå Torland. — Han var fødd 6-11 1841, død 13-1 1914. Han var ugift. Ola hadde vore mange år i Amerika, då han i 1896 kjøpte Skatteberget av Enok Hansson. Det gjekk det ordet at han hadde tent seg søkkrik i Amerika, og han var difor populært kalla Millionæren. — Kor mektig han var i pengevegen skal vera usagt. Men noko må han ha hatt, for først bygde han alle husa frå nyom, og så ga han seg i kast

med jorda. Og underet skjedde. Den garden der det før hadde vore berre svelte ihel, og som han Enok hadde kalla den ringaste på Bø, vart etter nokre få år til ein av dei beste. Ola braut nytt og grøfta og vendsla den gamle jorda. Det var nett i dei dagar då bøndene hadde fare til så smått med å bruke kunsthevd, tomas og kainit. Og Ola sparde ikkje på det slaget. Dei sa han tømde tomassekkene i kjerra og auste det ut med spade. Han døde brått av slag. — Det vart auksjon, og Tobias Nilsson kjøpte garden i 1914.

139. Omund Andreas Skår var frå Skaret i Høyland. Han var f. 8-12 1863, d. 29-1 1905, gift 19-8 1887 med Marta Nærland, f. 5-1 1867, d. 30-12 1954 (Nærland 43. 3.). Andreas Skår var målar. I 1887 kjøpte han ein grunn ved Nærbø jarnvegstasjon av Enevald Anda. Her bygde han og dreiv målarverksemd. — I 1893 kjøpte han eit stykke av bumarka hans Martin Edland, selde så huset på stasjonen og flutte ut i marka, Storhaug bnr. 22. Her gjekk han i gang med rydjing av jord og planting av tre. Men målararbeidet var hovedyrket hans. Skår var ein av dei første i Nærbø som fekk seg sykkel. Det var ein av dei høge, velosiped, dei kalla. Folk var mest øvegidde når han kom trillane etter vegane på dette mirakelse, og øykjene vart så vitskræmde, at dei var mest ikkje å få fram, når dei møtte han. Etter hans snarlege død dreiv enkja jorda til sonen, Omund, vart vaksen. Dei hadde 4 barn:
1. Johanna Margreta Skår, f. 28-8 1888, d. 1918, gift 27-11 1909 med Torger T. Skretting, — den seinare grosserar T. Skretting i Stavanger (sjå Skretting, Varhaug 116. 1.).
 2. Omund Skår, f. 8-2 1891 (162.).
 3. Olina Skår, f. 24-12 1892, gift 10-10 1915 med Hans Reinert Skjærpe, f. 4-6 1887 (Skjærpe 34. 8.). Godsekspeditor ved jernbanen i Sandnes, d. 10-1 1957.
 4. Marta Andrea Skår, f. 1-7 1895, gift 21-4 1918 m. Mons Hauge, f. i Gloppen 19-1 1892, d. 1949. Lærer på Nærbø og Bryne.

140. Tobias Gabrielson Røderullen (sjå Kvia 46.). Han kjøpte først eit jordstykke av Martin Edland "Endrestykket" i 1893, som fekk bruksnamnet Nordal bnr. 23. Kring 1899 selde han dette til Ole Tønnesson Håland og kjøpte eit stykke av Morten Nilsson Bø på Dalane, som fekk bruksnamnet Lagård og bnr. 46. Sidan selde han dette til T. Anda, og reiste

seinare til Sveio der han hadde ein son, og kjøpte gard der, der han døde nær 90 år gamal. — Tobias Røderullen "Rauarodlo" var aldri fastbuande etter han gav frå seg Røderullen til sonen Tolleiv. Og jamvel før den tid var han for det meste ute på jord og steinarbeid hjå andre. Han var den første som dreiv med tobakk-al på Jæren. I 1898 fekk han stipendium til å fara til Sogn og studera tobakk-al, samstundes som han var og såg på den store utstillinga i Bergen. Seinare dreiv han nokre år tobakk-al på Nærbø. Men resultatet vart visst skralt, som ventande kunne vera.

141. Rasmus Mikkelsen Opstad — hadde butt på Skretting. I 1881 kjøpte han eit hus på Nærbø stasjon og på Bø grunn, som Enevald Anda hade kjøpt av Tobias Nilsson i 1878, og som ein Jakob Jakobson og Peder og Sivert Odland sidan hadde ått, Nærbø bnr. 15. Her budde han til han døde. Kona, ho Kirsti, dreiv kafé, og sjølv putla han med snikker og smedearbeid. I 1884 kjøpte han eit stykke, Bønær bnr. 19, av T. Anda, som han hadde kjøpt av Tobias Nilsson. — I 1886 kjøpte han eit stykke, bnr. 18 Nærbø, av Gabriel Gabrielson (sjå Skretting 96.).

142. Edvin Peerson Ertekem, f. i Varm-land, Sverige 1845, gift 1) 12-5 1879 med Ingeborg Marie Tørresdotter Are, f. på Fjermestad 14-1 1853, gift 2) 26-11 1895 med Kirsten Tørresdr. Are, f. i Stavanger 1864. Han kjøpte eit stykke (Nydal bnr. 11), av Gabriel Gabrielson. Dette selde han til Eivind Arrestad i 1886. — Seinare budde han på Gjero av Haugland i Time. Edvin var komen hit som anleggsarbeidar på Jærbana. — Sidan var han banevaktar. Barn:

Karen Olene, f. i Time 23-4 1898, gift med Trygve E. Håland (Nærbø 99.).

143. Eivind Torkelson Arrestad var komen frå Arrestad i Time, der han hadde selt garden sin til Ola Torgerson. Han var gift med Inger Svensdr. Skretting og hadde butt ei tid på Skretting før han kom til Arrestad (Skretting 79.). I 1886 kjøpte han Nydal av Edvin Peerson og budde der til han døde 29-6 1902. Inger døde 14-2 1922.

144. Rasmus Tobias Skrettingland (sjå Skrettingland, Varh. 27. 1.), var f. 12-7 1854, d. 4-1 1905, — gift 25-4 1889 med Hanna Eivindsdotter Arrestad (143.), f. 15-4 1856. Dei var syskenbarn. Rasmus

var banevaktar og murar, men var sjukleg og måtte slutte på jernbanen. Så tok han over bnr. 11 Nydal av Bø, etter verfare, Eivind Arrestad. Etter han var død selde enkja til verbroren Lars Søyland, som sidan selde til Nærbø Kommune, som bygde Heimtun der. Rasmus og Hanna hadde ei dotter:

Inga Skrettingland, f. 1894, d. 13-11 1911.

145. Mons Jonasson Djøseland, bror til 116., var fødd på Håland i Varhaug 28-8 1850, død 3-4 1940, gift 1) med Ingeborg Tønnesdotter Bø, fødd 7-2 1857, død på Sandnes, gift 2) med Elen Karine Tønnesdotter Bø, fødd i Stavanger 12-7 1864 (sjå Bø 90. 7. og 10.). Mons hadde butt på Sandnes, der han arbeidde ved teglverket hjå Østrått. — I 1897 kjøpte han "Veien" eller "Sørbo" bnr. 21, av broren Lars. Mons med Veien var ein uvanleg stor og sterk mann og var mest alltid i godlag. Han gjekk rundt på jordarbeid, og dreiv attåt sitt eige vesle stykke. Han hadde 4 barn i første gifte og 1 i andre:

1. Tobias Monsson Bø, f. 1878, d. 18-5 1936, gift 4-9 1915 med Henrikke Olava Haugland, f. i Fjalar 1875. Dei hadde ein son: Magnus Bø, busett i Sauda.
2. Karl Johan Monsson, f. 1881, d. 24-6 1900. Han vart overkøyrd av toget mellom Klepp og Bryne.
3. Martin Monsson Bø, f. 4-1 1884, d. på Nærbø 13-2 1963, ugift. Han budde si meste tid i USA.
4. Eilert Monsson, f. 5-8 1888, død straks etter.
5. Inga Terese, f. 1896, d. 10-8 1935, ugift. Ho hadde sonen, Karl Bø, f. 24-11 1913, gift med Ryth Våland.

146. Ole Tønnesson Håland var bror til 131., f. 7-9 1870, d. i Egersund 6-8 1948, gift 4-4 1898 med Anna Birgitte Bjorland, f. 29-1 1875, d. i Egersund 6-7 1949 (Bjorland 22. 7.). Ole var bygningsmann. I 1898/99? kjøpte han Nordal av Tobias Røderullen. Seinare selde han dette til Omund Garborg. Sidan hadde han hus på Nærbø stasjon og kjøpte eit stykke på Håland. Dette selde han til Ole Tjemsland og flutte til Egersund. Ole Tønnesen var mange år grisepassar hjå Kornelius Olsen på Ysteriet. Ei tid var han politi på Nærbø. Dei hadde ikkje barn.

147. Retsius Torgerson var son til Torger Jensson Mellemstrand i Time og kona Else Rasmusdr. frå Osland i Bjerkreim. Han var f. i Bjerkreim 1871, d. på Had-

land i Time, gift 18-4 1902 med Karen Gurine Øglænd, f. 17-1 1881, d. på Hadland (sjå Gudmestad 50.). Retsius kjøpte Spogarhodl av Martin Edland i 1901. — Han kom då frå Amerika, der han hadde vore nokre år. I 1912 selde han til August Opstad og flutte til Hadland i Time. 3 barn var fødde på Spogarhodl:

1. Thorvald Hadland, f. 13-9 1903, gift med Nanna Mellemstrand.
2. Ester, fødd 23-4 1906, gift med Karl Eikeland.
3. Lars, fødd 2-11 1908, gift med Sigrid Fosse.

148. Johannes Gunnarson Line (sjå Njærheim 116.), kjøpte Udlaland av Andreas Undheim i 1902. I 1909 kom sonen Gabriel heim frå Amerika og tok over bruket. Gabriel bygde ny lœa og fjøs. I 1912 selde han til Ole Engelsvoll og reiste til Amerika att. Gabriel Line og kona Nilsdtr. fekk ei dotter på Bø:

Elisabet, f. 10-3 1910.

149. Enevald Erikson Opstad (Opstad 79. 4.), f. 13-11 1874, gift 13-11 1903 med Anna Kirstina Kvia, f. 24-6 1883, d. 23-9 1966 (Kvia 49. 3.). Enevald reiste som så mange andre til Montana i ungdomen. Etter nokre år kom han heim og kjøpte i 1906 bnr. 9 av Enok Hansson. Dei har hatt 7 barn:

1. Johanna, f. 23-9 1904, gift 23-9 1941 med Karl Susort, Tysvær.
2. Erik, fødd 23-9 1906. Brukar garden. Ugift.
3. Malena, fødd 25-6 1909. Misjonær i Hongkong.
4. Ernst, f. 24-9 1911, gift i Amerika med Erna Torgersen.
5. Berge, f. 11-9 1917, gift med Margit Viste.
6. Eldor, f. 8-10 1919.
7. Jon, f. 30-11 1921.

150. Jeremias Torgerson var son til Torger Larsson Herigstad i Varhaug og kona, Serina Jeremiasdotter (Herigstad 62. 3.). Han var f. i Ognå 7-11 1867, d. på Bø 16-12 1924, gift 19-4 1895 med Ingeborg Berte Svendsdtr. Håland, f. 12-10 1874, d. 23-3 1925 (Vestre Håland 26. 3.). Jeremias kjøpte Gjero av enkja Rebekka Osmunds- dtr. (132.). Då han var død kjøpte Andreas Torland bruket. Jeremias hadde 8 barn, 4 fødde på Herigstad og 4 på Bø:

1. Torger Bø, f. 15-12 1896, gift m. Anna. Bur i Hillevåg. Han er sjåfør.
2. Inger Jorina, f. 30-3 1899, gift med Lars Larsen.

3. Sina, f. 25-9 1901, d. 29-7 1951, gift med Birger Olsen.
4. Sverre Bø, f. 1908, d. 14-3 1966, ugift. Budde på Nærbo.
5. Jørgen, f. 6-5 1914, d. 25-5 1924.
6. Ingrid, f. 28-5 1916, gift med Johan Sørensen.
7. Seline, f. 15-11 1903.
8. Sven, f. 11-8 1907.

151. Tønnes Tobiasson Rangen (Kvia 42. 3.), f. 7-11 1876, d. i Dakota 9-10 1949, gift 28-2 1902 med Elen Bertine Tjemsland, f. 4-7 1878, dotter til Ole Johannes Tønnesson N-Tjemsland i Varhaug og kona, Malena Abrahamsdotter Røyrmr. — Tønnes kjøpte Bøbakkane av Rasmus Rasmusson Kvidaland. I 1912 selde han til Ola Heigrestad og reiste til Amerika, der han hadde vore mange år før. Ei dotter var fødd på Bakkane:

Karen, f. 20-9 1911.

152. Ola Rasmusson Heigrestad var son til Rasmus Olson Heigrestad i Eigersund og kona, Magla Ingemunds- dtr. Han var f. 1875, d. på Bø, gift 17-12 1912 med Grete Rasmusdtr. Madland, f. 15-6 1895 (sjå Madland, Varhaug 24. 3.). Ola kjøpte Bakkane av Tønnes Rangen i 1912. I 1920 selde han Bakkane til Tobias Tørresson Undheim og kjøpte att bnr. 10 på Dyrsvodl av enkja Grete Elisabet Gunnarsdtr. (93.). Enkja, Grete Rasmusdtr., bur ennå der og brukar det som er att av dette bruket. Ola og Grete Heigrestad fekk 7 barn:

1. Rasmus, f. 24-3 1912, gift med Kaspara Brathetland. Bur på Ganddal.
2. Magnus Randolph, f. 17-1 1915, gift med Halfrid Bergthun frå Bremnes. Gartnar ved Dale sjukehus.
3. Klara, f. 30-9 1917, gift 16-10 1943 med Sverre Marvik, Soma.
4. Olaf, f. 28-4 1920, gift 1-2 1947 med Berta Robberstad, Bremnes.
5. Maria, f. 19-5 1925, gift med Roald Sjølyst, Gramstad.
6. Marton, f. 3-2 1931.
7. Gaute, f. 12-5 1939, gift 1958 med Liv Heiberg (Njærheim 171. 1.).

153. August Johan Opstad (Opstad 79. 5.), f. 7-11 1878, d. 22-5 1967, gift 11-11 1904 med Berte Bø (130.), f. 8-11 1882, d. 28-8 1856. August var sjømann i ungdomen og sidan bygningsmann. I 1912 kjøpte han Spogarhodl av Retsius Torgerson. Dei fekk 10 barn:

1. Elisabet, f. 24-7 1905, gift 13-5 1928 med Sigfred Ueland, Opstad.

2. Erik, f. 12-9 1906. Reist til Montana.
 3. Martin, f. 8-6 1908, d. 21-5 1942, skotten av tyskarane i Trandumsbogen.
 4. Anna, f. 25-2 1910, gift 1945 med Ingvald Undheim. Bur på Are.
 5. Arne, f. 1-6 1911, d. 26-7 1941, drukna i sjøen då han lauga seg, gift med Oli Undheim.
 6. Borgny, f. 17-12 1912, gift med Hans Hansson Skeie, Bjorheim i Varhaug.
 7. Lena, f. 17-1 1915, gift 14-10 1950 med Erling Ueland (Ueland 88. 5.).
 8. Johan Opstad, f. 21-9 1916, gift 1948 med Ingebjørg Risa, f. 4-3 1918. Bur på Spogarhodl.
 9. Maria, f. 15-3 1919, gift 17-5 1945 med Einar Kåda frå Rennesøy. — Bur i Amerika.
 10. Magnhild, f. 13-1 1922, d. 21-1 s. å.
154. **Omund Garborg** var son til Tønnes Svenson Garborg og kona, Anna Olsdtr. Garborg. Han var f. 31-5 1855, gift 1908 med enkja Ingeborg Margreta, f. Tu 7-1 1866, d. 20-5 1935, dotter til Omund Larsen Tu og kona Ingeborg Margrete Rasmusdtr. Omund hadde vore mange år i Amerika då han kjøpte Nordal av Ole Tønnesson Håland. — Attåt gardsbruket dreiv han sementstøyper, mest sementblokker. I 1931 selde han til Johan Line (sjå Njarheim 116. 5.). Omund Garborg hadde 1 son:
- Tønnes Garborg, f. 17-3 1909, d. 13-6 1964, gift 1931 med Solveig Skjæveland, f. i Høyland 10-4 1910. Murar på (Nærbø st. 90.).
155. **Thor Thorsen** var frå Stavanger, — bror til generalkonsul Thorsen. — Han kjøpte Solbakken. Han dreiv mest med høns og eggproduksjon. Ein son:
- Ingvald Thorsen, f. 8-4 1908, gift 1930 med Astrid Møllestrand, f. 10-3 1904 (Høyland 165.). Han tok over plassen etter faren i 1940. Selde til Ola T. Bø i 1947.
156. Ole Olson Engelsvoll — son til Ole Reiarson Engelsvoll i Klepp og kona, Berta Larsdtr. frå Tjøtta, f. 29-5 1865, d. 10-6 1939, gift 26-3 1907 med Malena Rasmusdtr. Håland, f. 28-6 1885, d. 4-1 1943 (sjå Vestre Håland 27. 3.). Ole hadde butt på Opstad. I 1913 kjøpte han Udlaland av Gabriel Line. — Han gjorde eit stort rudningsarbeid på garden og bygde nytt heimhus. — Dei hadde 11 barn, 4 fødte på Opstad og 7 på Bø. Dessutan hadde Malena ein son:
1. Ragnvald Engelsvoll, f. 10-1 1902, gift 28-10 1933 m. Ingeborg Maria Larsen, f. 22-10 1915. Bur på Håland.
 2. Ole Engelsvoll, f. 20-11 1907. Reist til Amerika.
 3. Reidar, f. 5-2 1909. Reist til Amerika.
 4. Bernhard Engelsvoll, f. 6-9 1910, d. 17-6 1958, ugift. Budde på Udlaland.
 5. Agnes, f. 13-7 1912, gift 28-3 1934 med Peder Pederson Høyland, Time, f. 30-9 1903.
 6. Olaf, f. på Bø 14-5 1914.
 7. Martin, f. 9-6 1916, gift med Gudlaug, og bur i Drøbak.
 8. Sven, f. 8-3 1918, d. 11-8 1945.
 9. Ragnhild, f. 8-12 1919.
 10. Lars, f. 19-5 1923.
 11. Jon, f. 9-5 1925.
 12. Trygve, f. 7-7 1927.
157. **Tobias Nilsson**, son til 101., f. 9-4 1867, d. 12-4 1952, gift 9-10 1903 med Marta Sofia Bø, f. 25-1 1880 (130.), d. 30-3 1968. Han var nokre år i Amerika. Kring 1900 kjøpte han ein gard på Fotland i Eigersund. I 1914 kjøpte han Skatteberget på Bø av Ola Monsson si dødsbu. Dei fekk 11 barn, 6 fødte på Fotland og 5 på Bø:
1. Nils Bø, f. 25-6 1904 (186.).
 2. Martin Bø, f. 1905, d. 30-1 1969 i Montana.
 3. Malena, f. 1907.
 4. Astrid, f. 1908, d. 29-4 1968, ugift.
 5. Trygve, f. 1910, gift 8-11 1941 med Mary Malde. Snikker i Eigersund.
 6. Ola Bø, f. 7-5 1911 (187.).
 7. Marta, f. på Bø 5-8 1915. Bur på Bø.
 8. Maria, f. 17-4 1917, d. 19-10 1969, ugift.
 9. Berta, f. 19-5 1918.
 10. Margit, f. 19-11 1920, gift 1941 med Alf Sør Reime. Sjøfør på Nærbø.
 11. Gudrun, f. 21-2 1922.
158. **Ole Johan Marseliusson**, son til 130., f. 12-7 1884, d. 27-4 1956. Han tok over Auno etter faren. Var ugift. Systersonen, Magne Bø, f. 7-3 1920, brukar nå garden.
159. August **Johan Bø** (110. 3.), f. 18-11 1884, gift 1906 med Hansine Sirevåg, f. 17-11 1880, d. 22-12 1951, dotter til Asser Jensson Sirevåg og Taletta Mathiasdtr., f. Vatnemot. August Johan tok over bnr. 16 Støberget, etter faren i 1906. Han er ein stillfarende og haghendt mann, har fare på sildefiske til Haugesund og Skudenes i ungdomen og er både urmakar og snikker. Dei har 5 barn:
1. Gurine, f. 23-6 1907, gift 4-10 1941 med Alf Stokka.

2. Arne Bø, f. 25-1 1910 (183.).
3. Tora, f. 18-4 1912, gift med Alfred Eikevik, Skjold.
4. Maria, fødd 29-8 1916, gift med Olaf Eikeland (Nærbø 94.).
5. Astrid, f. 27-4 1921, gift med Torger Rangen (Kvia 79.).

159B. **Lauritz Fuglestad**, son til Tobias Ellingson Fuglestad og gjenta Berta Elisabeth Henriksdtr., f. Ueland i Ogna. Han var fødd i Ogna 19-4 1882, død på Vettelund 28-8 1965. Gift 1) i Klepp 1907 med Anne Olufine Skjelbreid, fødd i Klepp 19-8 1887, dotter til Henning Tobias Tobiasson Skjelbreid og Birgitte Rasmusdtr., gift 2) med Marta Larsdtr. Øglænd, f. 17-12 1874 (Gudmestad 50. 1.). Laurits Fuglestad budde på Løgesteinen, seinare på Vettelund i Ogna. — 6 barn i første gifte:

1. Rasmus Fuglestad, fødd i Klepp 24-3 1908, gift med Johanna Rasmusdotter Stokkeland, Ogna. Bur på Stokkeland.
2. Henning Fuglestad, fødd i Klepp 30-4 1909, gift med Rakel M. Sikveland, Undheim, f. 10-1 1914. Bur på Undheim.
3. Elling Fuglestad, fødd på Nærbø 27-2 1911.
4. Bergljot Elise, f. på Løgesteinen 9-6 1912.
5. Lars Fuglestad, f. på Løgesteinen 23-6 1914. Bur på Fuglestad.
6. Borgny, f. 13-3 1916, gift 1940 med Olaf Larsson Sveta.

160. **Ole Karlson Bø** (120. 1.), fødd 2-3 1878, død 1-4 1956. Gift 6-2 1908 med Anna Taletta Bø, fødd 29-3 1890, død 7-11 1952 (130. 5.). Han var ei tid i Montana. I 1907 kom han heim og dreiv som slaktar på Nærbø ei tid. Då broren Anton, som då brukte farsgarden, reiste til Amerika att i 1915 og døde der i 1916, tok Ole over garden, bnr. 12, etter han. Dei hadde 8 barn:

1. Berta, f. 22-8 1910, gift 19-8 1939 med Karl Nils M. Fuglestad i Ogna.
2. Akseliana, f. 13-3 1912, d. 5-6 1967.
3. Tora, f. 20-10 1913, gift 1934 med Palle Johan Vigre (Skjærpe 48. 2., Motland 51.).
4. Karl O. Bø, f. 11-4 1915 (185.).
5. Magne Bø, f. 7-3 1920 (158.), (204.).
6. Anton Bø, f. 20-9 1922, skoten av tyskarane i Trandumskogen.
7. Magda, f. 28-9 1927, gift 3-3 1951 med Erling Skjærping. Bur på Lista.
8. Olga, f. 15-5 1929, gift 20-8 1949 med Kåre (Refsnes 10. 11.). Bur på Lista.

161. **Torgeir Edland** (126. 3.), fødd 14-1 1889, gift 1) 3-5 1913 med Berte Bertelsdtr. (Skjærpe 34. 9.), f. 4-6 1889, d. 27-5 1919, gift 2) 17-10 1925 med Anna Maria (Skjærpe 34. 7.), f. 22-5 1885. — Torgeir Edland tok over halve farsgarden, bnr. 64 av mora i 1914. 4 barn i første gifte:

1. Gislaug, f. 28-9 1913, gift 26-8 1939 med Ingebret Søyland (Motl. 42. 1.), f. 10-7 1916. Fabrikkeigar på Bryne.
2. Martin Edland, f. 2-10 1915 (189.).
3. Bård Edland, f. 17-3 1917 (190.).
4. Torgeir Berge Edland, f. 10-12 1918 (191.).

162. **Omund Skår**, son til 139., f. 3-2 1891, gift 21-9 1913 med Sofia Søyland, f. 19-2 1892, d. 13-4 1939 (Søyland 43.). Omund arbeidde mange år som murar og sementstøypar. Han tok over bruket av mora i ung alder. Sidan var han vaktmann på Opstad mange år, men måtte slutte då helse svikta. 6 barn:

1. Marta, f. 13-7 1914, gift 31-12 1940 med Nils T. Bø (157. 1.).
2. Serine, f. 27-3 1916, gift 28-3 1942 med Leidulf (Nord-Varhaug 42. 1.).
3. Andreas Skår, f. 8-1 1918, gift 2-2 1946 med Signy Årstad, Eigersund. — Han er politi i Egersund.
4. Tønnes Skår, f. 24-4 1920, gift 1-8 1943 med Gerda Lie, Tjøtta. Han er vaktmann på Opstad.
5. Johanna, f. 16-8 1922, gift 23-3 1942 med Gabriel Erikson Anestad, f. 20-8 1914 (Anestad 109.).
6. Odd Skår, f. 25-2 1924, gift 18-9 1948 med Gunvor Rangen, f. 21-12 1925. — Han brukar plassen etter faren.

163. **Tobias Tørresson Undheim** — (sjå Gausland 36.), kjøpte Bakkane av Ola Heigrestad i 1920. Han døde 15-8 1929, den 28-9 vart dottera, Tilla, gift med Leif Mæland, f. 13-2 1904, som då tok over plassen. Sidan har han vore seld fleire gonger, sist i 1948 til Sem Salte som nå bur der.

164. **Jakob Indrebø**, son til 133., f. 12-7 1887, d. 1943, gift 27-11 1920 med Malena Jorina Helland, f. 1895, dotter til Sven Jonasson Nedre Helland i Time og kona Ingeborg. Jakob var mange år slaktar hjå Rasmus Opstad på Nærbø. Då faren døde i 1918 tok han over Indrebø. Dei fekk 10 barn:

1. Maria, f. 19-12 1921, gift med Peder Grødem, Time.
2. Ingeborg, f. 31-12 1922. I Amerika.
3. Malena Indrebø, f. 1-4 1924, gift med

- Johannes Tjemsland, Varhaug, fødd 10-12 1914.
4. Ola Indrebø, f. 12-11 1925, gift 1960 med enkja, Hanna Ødegård, f. i Time 29-6 1917 (dotter til Henrik og Olga Oma).
 5. Sigurd Indrebø, f. 11-11 1927.
 6. Jostein Indrebø, f. 22-4 1928, gift 27-5 1960 med Astrid Mydland, f. i Tonstad, d. 4-4 1964. Han er smed.
 7. Borgny Indrebø, f. 24-8 1931, gift 4-5 1957 med Torgny Skretting, f. i Varhaug.
 8. Randi Indrebø, f. 31-3 1933, gift 13-10 1951 med Vilhelm Fuglestad, bygningsmann.
 9. Oddbjørg Indrebø, f. 22-2 1934.
 10. Tordis Indrebø, f. 8-2 1935, gift 1955 med Bjarne P. Høyland, f. 3-7 1923 (Høyland 184. 6.).

165. Ivar M. Bø, son til 130., f. 20-4 1888, d. 27-7 1952. Gift 24-12 1916 med Maria Mathingsdal, f. 30-5 1895, dotter til Gabriel og Marthine Mathingsdal i Ogna. Ivar Bø var ein mann som var kjend av alle og kjende alle vida ikring. Han var humorist og optimist og hadde alltid svar på tiltale, kor gale det var. — Han hadde same årsmålsdagen og året som Hitler, og det var sjølvsagt ikkje nokon særers heider. Men Ivar visste å berge seg unna det og, han hadde nemleg tent eit år på Obrestad i ungdomen, og det året rekna han ikkje med i alderen sin. Han kom i tenest hjå far min, gamle Martin Edland, i 1905, då eg reiste til Amerika, og var i den tenesta til våren 1914, året etter eg var heimkomen. Då flutte han til Ola Fuglestad på Ogna, der han møtte Maria som vart kona hans. Så var han ei tid arbeidsformann på Opstad. Men det monne han ikkje lika. Så var han eit års tid styrar på Bjorheim-garden, og sidan styrar på Haa-garden. Dinsten pakta han ein gard på Svela i Bjerkreim, der han og var eit års tid. I 1924 fekk han eit stykke uteng av broren Ole. Her bygde han hus og braut opp jord på bureisingsvilkår. — Og nå skulle ein trutt at han hadde roa seg med det. Men ikkje hari Ivar. Han måtte ut der det gjekk for seg. Først på anlegg og graving av hustuffer, og steinsprengjing og vegbygging. Så tok han på seg støyping av vatsverket til Nærbø stasjon i 1933. Og då det var unna-gjort var han fullfaren byggmeister i betong, var mykje nytta når nye fjos skulle byggjast både innanbygds og andre stader både på Vestland og Austland. Dei siste åra var han vegsjef i Nærbø.

Ivar hadde aldri spart seg, og det hemna seg på helsa. Det var hjarta som slo klikk. Og så ein dag han var med i eit lag med bil til Forus for å sjå på tråvkøyring, seig han ihop då han steig av bilen og var død med ein gong. Ivar og Maria Bø hadde 10 barn:

1. Agnes Bø, f. på Opstad 2-10 1917.
2. Målfrid Othelia Bø, f. på Bjorheim 14-3 1919, gift 29-10 1939 med Martin Edland (sjå 189.).
3. Maria Bø, f. på Hå 6-6 1920, gift med Ole Jørgenson Høyland (sjå Høyland 206.).
4. Ingrid Malena Bø, f. på Hå 4-10 1921, gift 1960 med Kristian Bjorland (sjå Bjorland 36.).
5. Marselius Bø, fødd på Hå 22-2 1923 (202.).
6. Gabriel Bø, f. på Bø 19-11 1924, gift med Ingrid Mæland, f. 28-6 1930. Bur på Bjorland. Han er ved jernbanen.
7. Ivar I. Bø, f. 19-7 1926, gift med Margreta Mellemstrand (sjå Høyland 165. 2.). Han er traktorkjører.
8. Harald Bø, f. 27-9 1927, gift 5-1 1957 med Solfrid Salte.
9. Johanna Bø, f. 13-9 1930, gift med Isak Garborg.
10. Ole I. Bø, f. 5-3 1933.

166. Lars Larsson Bø, son til 116., f. 23-2 1893, gift 18-11 1922 med Sina Gabrielsdotter Bjorheim i Varhaug (sjå der 28. 6.), f. 2-3 1897. Lars brukte Løgesteinen etter faren. I 1935 selde han til Søren Undheim og budde sidan ymse stader. Enkja bur på Bø. Dei har hatt 11 barn:

1. Karen Leonora, f. 25-10 1923, gift m. Laurits Larsson Njærheim (sjå Njærheim 138. 4.).
2. Sikke Gurine, f. 9-9 1925, død.
3. Sikke Gurine, f. 26-12 1927, død.
4. Leif L. Bø, f. 29-11 1926, gift med Hjørdis Evje, Sokndal. Busett i Solør, befall i feltartilleriet.
5. Solveig Bø, f. 8-1 1929, gift med Børge Johannesson Salte. Sjøfør. Busett på Tjøtta i Klepp.
6. Gabriel L. Bø, f. 9-12 1931, gift med Solveig Ågott Torland (Bø 176. 6.). Murar på Nærbø.
7. Lars Martin Bø, f. 18-3 1934, gift med Aslaug Malena Tjåland. — Meieritekniker.
8. Kristine L. Bø, f. 27-2 1936, gift med Sigurd Mikkelsen frå Vikebygd ved Haugesund. Styrmann.
9. Gunnar L. Bø, f. 20-5 1938, gift med Berit Kristine Anestad. Murar. Busett på Varhaug (Herrebyen).

10. Ingeborg Marie L. Bø, f. 12-6 1940, gift m. Jon Tore Sandstøl, Helleland. Buset på Hæstad.
11. Karl Johan L. Bø, fødd 8-8 1942, gift 1966 med Evy Lillian Bang. Sveisar på Bryne.

167. Peder Isakson Risa (sjå Skjærpe 45. og Risa 93. 2.). Peder kjøpte bnr. 1 av Bø i 1930 av enkja Berte Jonasdr. (131.) Han ana ikkje då, at det var frå denne staden at tipp-oldefar hans, Peder Josefson Hobberstad, var komen, og som han sjølv hadde namnet sitt frå (sjå 42. 1.). Ætta hadde gjennom dei mest 200 år gjort runden frå Bø til Hobberstad, derfrå til Anestad, så til Risa, og så i 1930 tilbake til same staden på Bø, der ho var komen frå. — Nå er det sonen, Sven P. Risa som er brukar. Han er fødd 8-6 1903, gift 1949 med Randi Olava Olsdr. Risa, f. 22-1 1914 (sjå Risa 99. 1.).

168. Klara Wohlgefahrt, dotter til 124., f. 12-2 1891, — gift 11-10 1919 med Adolf Wohlgefahrt, f. i Hamburg 1883, d. i Amerika 1938. Wohlgefahrt kom frå Tyskland til Norge som desertør i den første verds-krigen. Då faren var død, og mannen i Amerika, tok Klara over garden. Dei hadde 2 barn:

1. Tora Wohlgefahrt, f. 21-11 1919, gift med Ole Kjell Juulseth, Bergen.
2. Karl Wohlgefahrt, f. 9-4 1921, gift 4-2 1950 med Berta Olsdr. Vigre, f. 29-1 1923 (Vigre 63. 9.). — Dei brukar nå garden.

169. Kristian Magnus Rangen (sjå Kvia 67. 2.) er fødd 5-5 1899, gift 23-8 1925 med Gurid Edland, Bø, fødd 26-8 1890 (126. 4.). Dei tok over Skjeraberget, bnr. 6, av enkja, Gurine Edland, i 1926. — 4 barn:

1. Gunvor Rangen, f. 21-12 1925, gift med Odd Skår (Bø 162. 6.).
2. Grete Rangen, f. 27-12 1926, gift med Nikolai Berntsen. Bur på Bø. Barn: Grete, f. 14-7 1948, Torstein, f. 30-8 1951.
3. Magnhild Gerd Rangen, f. 14-4 1929, gift 1949 med Gunnar Helgesen.
4. Målfrid Rangen, f. 17-1 1933, gift 1963 med Leif R. Kvasheim, f. 9-1 1913. Bur på Kvasheim i Ogna.

170. Jonas Jonson Bø, son til 127 (Søyl. 51.). — Han brukte Dalbakken, bnr. 44, etter mora. Seinare selde han dette til Sem Risa og tok over Søyland etter ver-faren. Jonas var 2 turar i Amerika. Han

var og mange år bakar på Nærbø, då han budde på Dalbakken.

171. **Nils S. Bø**, son til 128., f. 9-5 1895, gift 1938 med Selma Håland, f. i Time 3-3 1901, d. 27-7 1960, dotter til Lars Svenson Øvre Håland i Time (Gohodl) og kona Olina Olsdr. — Nils tok over bnr. 13 Storægro etter faren i 1937. Dei hadde ikkje barn.

172. **Ola H. Bø**, son til 123., fødd 25-10 1900. Tok over bnr. 20 etter faren eller broren Tore i 1933. Han er ugift.

173. Anna og Malena Bø (125. 4. og 7.) tok over bnr. 5 og bnr. 7 i 1941 og bnr. 140 i 1947, alt etter foreldra. — I 1953 selde dei bnr. 5 Kvidaland til Leiv Gausland, og noko seinare selde dei bnr. 7 til Kristian Fuglestad. Dei eig og bur framleis på bnr. 140, som er ein part av bnr. 5. Dei er ikkje gifte.

174. **Leiv Gausland** (Gausland 37. 10.). Fødd 17-1 1909, gift 1944 med Borgny Pedersdr. Fosse, fødd i Time 21-2 1913, dotter til Per Tollakson Fosse og Grete Maria Gabrielsdr., f. Skrudland. — Leiv Gausland kjøpte bnr. 5 Kvidaland av Anna og Malena Bø i 1953. — Barn:

1. Inger Johanna Gausland, f. 2-12 1945.
2. Marit Gausland, f. 16-3 1947.
3. Brynhild Gausland, f. 19-5 1949.
4. Ingebret L. Gausland, f. 22-5 1952.

175. **Kristian Fuglestad**, son til Martin Jens-Kristianson Monen av Fuglestad i Ogna og kona Karen Alette Ingebretsdr., f. Matningsdal. Han er fødd i Ogna 11-11 1916, gift 1942 med Janna Bru, fødd i Ogna 9-2 1912, dotter til Martin Ellingson Bru og Else Knutsdr., f. Bilstad i Heskestad. Kristian Fuglestad kjøpte bnr. 7 av Anna og Malena Bø. Han hadde vore forpaktar på same mange år. — Barn:

1. Magne Fuglestad, f. 21-1 1943, gift m. Kari Time.
 2. Agnes Marit Fuglestad, f. 25-2 1947, gift 1964 med Svein Høytomt, Klepp.
 3. Karl Johan Fuglestad, f. 16-12 1949.
- (Ei av Kristian Fuglestad si stam-mor, Ranveig Olsdr. Bø, som var gift med Johannes Olson Kverme i Ogna, var fødd på denne parten på Bø, og var av same ætta frå gamalt som Anna og Malena Bø, sjå Bø 28. 4.)

176. Andreas Torland (Torland 80. 4.), f. 25-4 1890, gift m. Rakel Sofie Boremyren, fødd i Årdal i Ryfylke 15-6 1894, dotter

til Lars og Ingeborg Boremyren. Andreas Torland kjøpte Bø-Gjero av Jeremias Torgerson si dødsbu i 1925. Andreas sin far, Olaus Osmundson, var fødd på denne parten av Bø (sjå 103.) Andreas og Rakel Sofie fekk 8 barn:

1. Karen Torland, f. 24-12 1914, gift med Trygve Steinskog.
2. Ingeborg Torland, f. 30-4 1916, gift m. Jakob Nærland, Lura.
3. Randi Torland, f. 19-11 1919, gift 1942 med Ole Bratland, Varhaug.
4. Olaug Torland, f. 7-7 1924, gift 14-7 1945 m. Trygve F. Haugstad, Varhaug.
5. Lars A. Torland, f. 22-1 1929, gift 1955 med Lilly Haugland, f. i Time.
6. Solveig Torland, f. 20-5 1930, gift med Gabriel L. Bøe (166.).
7. Margit Torland, f. 21-10 1933, gift med Sigmund Tjøtta, Klepp.
8. Oddvar Torland, f. 15-8 1942, gift 23-9 1961 med Kirsten Reime, f. på Bryne.

177. **Ragnvald Engelsvoll**, son til 156., f. 10-1 1902. Gift 28-10 1933 med Ingeborg Marie Larsen, f. 22-10 1915. Han tok over bnr. 2 Udlaland etter mora. Seinare tok halvbroren Berner Engelsvoll frå han garden på odel, og Ragnvald kom til morbroren på Håland og tok over hans bruk.

178. **Berner og Olav Engelsvoll**, søner til 156. — Berner tok bnr. 2 frå Ragnvald Engelsvoll på odel kring 1945. Då han døde 17-6 1958 tok broren Olav Engelsvoll over garden. Han brukar nå Udlaland. Ingen av dei har vore gifte.

179. **Søren Undheim** (sjå Risa 101. 4.), f. 22-4 1908. Gift 19-6 1937 med Eli Olsdotter Risa, f. 4-6 1911 (Risa 99. 7.). — Søren Undheim kjøpte Løgesteinen, bnr. 19, av Lars Larsson i 1935. — Barn:

1. Sven S. Undheim, f. 12-2 1938, gift m. Ranveig Sørreime.
2. Ingfrid Undheim, f. 3-8 1944, gift med Helge J. Haugland.
3. Elfrid Undheim, f. 19-6 1952.

180. **Johan Line** (sjå Njærheim 116. 5.), fødd i Time 4-1 1885. Gift 7-3 1936 med Gustava Stokkeland, — fødd i Oagna 1-9 1903, dotter til Tore Larsson Stokkeland i Oagna og Ingeborg. Johan Line kjøpte bnr. 23 Nordal av Omund Garborg i 1931. Barn:

1. Johannes Line, f. 29-7 1936.
2. Marta Line, f. 20-5 1938, gift 1961 med Torleif Magne Vorland.
3. Tore Line, f. 7-12 1940.

181. **Karl Johan Bø**, son til Jakob Johannesen i Stavanger og Inga Monsdotter, f. Bø. Han er f. 24-11 1913, gift 1949 med Ruth Våland, fødd i Varhaug 29-2 1920 (sjå Sæland, Varhaug 23. 2.), dotter til Tønnes Våland og Regina Rasmusdotter. Karl Johan tok over bnr. 21 Veien, etter mormora, Elen Tønnesdr. I 1951 selde han same til Torvald Gudmestad og flutte til Nærbo stasjon. Barn:

1. Ingrid Bø, f. 17-9 1951.
2. Martin Bø, f. 31-3 1953.

182. **Torvald Gudmestad** (Gudmestad 47. 9.), f. 28-6 1905, gift 27-5 1933 med Berta Bekkeheien, f. 19-3 1904 (Høyland 170. 3.). Torvald Gudmestad kjøpte bnr. 21 av Karl Johan Bø i 1951. Selde seinare til versonen Alstein Skeie, og kjøpte hus på Nærbo stasjon. — Barn:

1. Trygve Gudmestad, f. 19-1 1929, gift 1956? med Birgit Stokkeland, f. i Oagna 20-3 1935. Sjømann.
2. Sigrunn Gudmestad, f. 13-2 1934, gift 6-10 1951 med Alstein Skeie, fødd i Varhaug 17-5 1931. — Dei tok over plassen, då Torvald flutte til Nærbo, og selde seinare.
3. Jon Gudmestad, f. 23-8 1935.

183. **Arne A. Bø**, son til 159., f. 25-1 1910, gift 8-11 1941 m. Magnhild Ingrine Gilja, fødd i Høyland, dotter til Vilhelm og Taletta Gilja. Arne tok over bnr. 16 Støberget etter faren i 1942. — Barn:

1. Arthur A. Bø, f. 23-12 1947.
2. Målfrid Bø, f. 26-6 1953.

184. **Karl Wohlgefahrt**, son til 168., f. 9-4 1921. Gift 1950 med Berta Vigre, f. 29-1 1923 (Vigre 63. 9.). Karl Wohlgefahrt tok over bnr. 14 av mora i 1944. Dei har ikkje barn.

185. **Karl O. Bø**, son til 160., f. 11-4 1915. Gift 9-5 1945 med Magnhild Søyland, f. i Time 2-12 1917, dotter til Andreas I. Søyland og Olava, f. Kartevoll (Søyland 44. 1.). Karl Olson tok over bnr. 12 etter faren i 1947. Barn:

1. Arnfrid Bø, f. 4-5 1947, gift 1967 med Nils Moi, Bjerkreim.
2. Ole Bø, f. 20-3 1950.
3. Odny, f. 24-5 1953.

186. **Nils T. Bø**, son til 157., f. 25-6 1904. Gift 1940 med Marta Skår, f. 13-7 1914 (sjå 162. 1.). Nils tok over bnr. 15 Skatteberget etter faren i 1947. Barn:

1. Sofie Bø, f. 17-1 1942.
2. Trygve Bø, f. 22-9 1943.

3. Oddvar Bø, f. 9-3 1947.
4. Svein Norolf Bø, f. 6-6 1953.
5. Magnar.

187. **Ola T. Bø**, bror til Nils, fødd i Egersund 7-5 1911. Gift 1943 med Elbjørg Høien, fødd i Varhaug 3-12 1915 (sjå Voll i Varhaug 120. 9.). Ola tok over ein part av farsgården i 1947, bnr. 126, og kjøpte bnr. 53 av Ingvald Thorsen i 1947. Barn:

1. Terje Bø, f. 14-9 1945, gift 1968 med Unni Holsæter, Årdal i Sogn.
2. Per Bø, f. 2-5 1948.
3. Anne Serine Bø, f. 30-5 1952.
4. Edith Bø, f. 29-4 1954.

188. Sven P. Risa, son til 167., f. 8-6 1903. Gift (8-6?) 1949 med Randi Olava Risa, f. 21-1 1914 (Risa 99. 8.). Sven Risa tok over bnr. 1 etter faren i 1948. Barn:

1. Gunvor Risa, f. 22-4 1950.
2. Per Risa, f. 27-4 1953.

189. Martin Edland, son til 161., f. 2-10 1915. Gift 29-10 1939 med Målfrid Othelia Bø, f. 14-3 1919 (165. 2.). Martin Edland tok over bnr. 64 av faren i 1947. Martin Edland har vore likningsjef i Nærbø, nå Haa, og andre har brukt garden. I 1964 tok sonen over, og Martin flutte til bygdesentrumet Varhaug. Barn:

1. Berte Edland, f. 15-2 1939, gift 3-3 1956 med Gabriel Bjorheim.
2. Maria Edland, f. 26-4 1941, gift 31-12 1960 med Hans Kvianes, f. i Ogna 2-3 1938, d. 1964.
3. Torger Edland, f. 8-11 1942, gift 1963 med Bodil Berntsen. Tok over bnr. 64 i 1964. Barn: Martin og Bredo.

190. Bård Edland, bror til Martin, f. 17-3 1917. Gift 1-3 1941 med Randi Kvia, f. 1-12 1917 (Kvia 72. 7.). Bård Edland tok over ein part av farsgården, Holane bnr. 124, i 1947. — Han er fengselstenar på Opstad. Barn:

1. Torgeir B. Edland, f. 20-11 1941, gift 16-2 1963 med Astrid Underhaug, f. 6-6 1945.
2. Odd Edland, fødd 14-7 1946, gift 11-6 1966 med Else Horpestad.

191. Torgeir Berge Edland, bror til 189. og 190., f. 10-12 1918. Gift 25-5 1946 med Klara Kvia, f. 3-1 1928 (Kvia 72. 13.). Torgeir Berge Edland tok over ein part av farsgården, Holane II bnr. 125, i 1952. Han er sjømann, målar og mekanikar. Barn:

1. Anne Marie Edland, f. 8-9 1946, gift 30-3 1968 med Kåre Tjemsland.

2. Tor Edland f. 2-9 1949, gift 1968 med Kristine Tegle.

I 1960 vart ein stor part av desse bruka utlagt til bustadbygg for Nærbø stasjon og innløynt av Nærbø Kommune, i alt millom 30 og 40 mål, alt dyrka jord.

192. Erik Opstad, son til 149., fødd 23-9 1906. Tok over bnr. 9 etter faren i 1960. Han er ugift.

193. Kirsten Grøtheim (sjå Grøtheim 22. 1.). Fødd i Time 22-2 1887. Ho kjøpte ein part av bnr. 10 Dyrsvoll i 1936. Ei dotter:

1. Tora Grødem, f. 18-9 1911, gift med Kristian Gauksås.

194. Ola Ask (sjå Bjorland 31. 3.), f. 6-4 1908, gift 20-5 1934 med Alvild Tjemsland, fødd i Odda 13-7 1908 (sjå Store Håland 35. 1.). Ola Ask er smed. I 1933 kjøpte han ein part av bnr. 10 Fredtun. Barn:

1. Kåre Oddvar Ask, f. 18-7 1935.
2. Ove Reidar Ask, f. 10-10 1937, gift 1960 med Torunn Øglend, Time.
3. Gerd Brit Ask, f. 2-8 1944.
4. Arild Rune Ask, f. 6-1 1954.

195 Omar Andreas Lund, f. i Fredrikstad 1894. Gift 2-6 1923 med Astrid Andreasdotter Njærheim, f. 1-6 1904 (Njærheim 133. 5.). Omar Lund kjøpte ein part av bnr. 10 Vestbø i 1937. — Barn:

1. Astrid Amanda Lund, f. 1-12 1923.
2. Randi Olivia Lund, f. 17-6 1926.
3. Willy Lund, f. 6-9 1929.
4. Olav.
5. Solveig.

196. Sigurd Haugland, son til Lars Gjermondson Haugland i Varhaug og Seline, f. Skjærpe (sjå Nærbø 24. 6.). Han er f. 11-2 1907. Gift 1934 med Magnhild Tunheim, fødd på Lende i Time 27-12 1906, dotter til Martin O. Tunheim og Elen, f. Lende. Sigurd Haugland kjøpte ein part av bnr. 14 i 1934, Solheim bnr. 96. Dei har ikkje barn.

197. Karl Johan Gausland (Torland 82. 6.), f. 3-9 1911. Gift 1945 med Astrid Odland, fødd i Varhaug 26-6 1920 (sjå Odland 62. 1.). Gabriel Njølstad (Njølstad 18.) hadde kjøpt ein part av bnr. 14 på Bø kring 1920 og busett seg der, då han selde Njølstad til broren Karl Njølstad. Då Gabriel Njølstad var død vart denne parten seld til Ola Gausland, Karl Johan sin bror. — Ola var i Amerika, og Karl

Johan Gausland tok seinare over. Han er heradskasserar i Nærbø, kontorsjef i Hå etter samanslåinga. — Barn:

1. Ingvar Gausland, f. 30-5 1946, gift med Borgny (Skjærpe 54. 4.).
2. Arna Gausland, f. 22-8 1947.
3. Tønnes Gausland, f. 19-2 1949.
4. Sigrun Gausland, f. 16-2 1952.

198. Aksel Skåland, son til Jens Osmundson Skåland i Lund og kona Olene. Han er fødd i Lund 20-3 1882, gift 1912 med Kristine Øveland, fødd i Lund 5-8 1885, dotter til Halvar og Signe Øveland. Aksel Skåland har vore lærar i Nærbø sidan 1922, til 1942. I 1939 kjøpte han ein part av bnr. 14 Nyland, bnr. 108. Barn:

1. Olga Skåland, f. 1914.
2. Solveig Skåland, f. 1915, sjukesøster.
3. Jens Skåland, f. 1919, gift med Gislaug Høin, meieristyrar.
4. Sigfrid Skåland, f. i Nærbø 1-1 1922, gift med Olav Nesheim. Bonde i Hardanger.
5. Harald Skåland, f. 27-5 1924, gift med Ingrid J. Haugstad, f. i Varhaug 21-11 1924 (Haugstad 61. 8.). Lærar i Nærbø.
6. Arnfinn Skåland, f. 30-4 1926.
7. Kåre Skåland, f. 1928, gift m. Ragnhild Brekke, f. i Oslo. Sjømann (maskinist).

199. Mohn Øksnevad (sjå Våland 31. 5.), f. 18-2 1899, d. 29-6 1965, gift 1926 med Laura Larsdotter Viste, f. i Randaberg 24-7 1907, dotter til Lars og Hanna Viste. Mohn Øksnevad har vore banevoktar. I 1930 kjøpte han ein part som Kristina L. Bø hadde kjøpt av bnr. 14 kring 1920, Granli bnr. 78. Det er muleg at andre og hadde ått denne parten. Barn:

1. Lars M. Øksnevad, f. 1-4 1927.
2. Leif Øksnevad, f. 11-1 1929, gift med Agnes Herredsvela, Ogna.
3. Magne Øksnevad, f. 9-11 1930, gift med Ingebjørg Stokkeland, Ogna.
4. Hjørdis Øksnevad, f. 20-9 1932, gift m. Erling Ødegård, Vigrestad.
5. Marry Øksnevad, f. 26-6 1936, gift m. Arthur Marken.

200. Johan I. Salte, son til Isak Rasmusson Salte og kona Pernille Andreasdr., f. på Re (sjå Høyland 86. 3.). Han er f. 3-4 1883, gift 1905 med Marta Øksnevad, fødd på Sandnes 18-7 1883, død 1913, dotter til skomakar på Sandnes, Samuel Larsson Øksnevad og kona Omine Marie Olsdr., f. Meisland. — Johan Salte var skreddar. Han kom til Nærbø kring 1907. Seinare kjøpte han bnr. 83 Solheim av Bø. — Barn:

1. Petra Salte, fødd 1906 (ikkje døypt i Nærbø).
2. Olaf Salte, f. i Nærbø 12-3 1907.
3. Ingolf Salte, f. 30-3 1909.
4. Margit Salte, f. 21-3 1911.

201. Odd Skår, son til 162., f. 25-2 1924. Gift 18-9 1948 med Gunvor Rangen, f. 21-12 1925 (sjå 169. 1.). Odd Skår tok over bnr. 51 (22?) Storhaug etter faren i 1954. Han paktar og nå bnr. 6 som han tok over i 1967. Barn:

1. Olav Skår, f. 31-7 1949.
2. Sigrun Skår, f. 25-9 1951.
3. Guri Skår, f. 14-8 1954.
4. Mai Kristin, f. 27-5 1959.

202. Marselius I. Bø, son til 165., f. 22-2 1923, d. 22-6 1959. Han drukna på ein fisketur til Sirevåg. Gift med Nora Paula Undheim, fødd i Time 15-7 1932, dotter til Omund P. Undheim og kona Maria. Marselius tok over bnr. 82 Udland i 1952.

203. Ivar I. Bø, bror til Marselius, f. 19-7 1926, gift med Margreta Mellemstrand. Ivar Bø er traktorførar. — Han tok over ein part av bnr. 4 av farbroren Ole Johan Bø.

204. Magne O. Bø, son til 160., f. 7-3 1920, gift 1-7 1961 med enkja etter Marselius Bø (202.), Nora Paula Omundsdotter. — Han tok over bnr. 4 etter morbroren Ole Johan Bø i 1956, og i 1961 tok han over bnr. 82 med kona.

205. Johan Opstad, son til 153., f. 21-9 1916, gift 1948 med Ingebjørg Risa, f. 4-3 1918 (Risa 101. 8.). Johan Opstad tok over bnr. 39 Spogarhodl i 1949, etter faren. Barn:

1. Inge Opstad, fødd 5-4 1949, gift med Ranveig Hognestad.
2. Berit Opstad, fødd 1-9 1950, gift med Per Refsland, Vigrestad.
3. Irene Opstad, fødd 3-11 1952.

206. Sem Salte, son til Bertel og Seline Salte (sjå Ueland, Varhaug 83.). Fødd i Time 8-5 1917, gift med Randi Njærheim, fødd 18-11 1927 (Njærheim 139. 11.). — Sem Salte tok over (kjøpte) bnr. 55 Bøbakkane i 1948. Leif Mæland hadde ått denne parten etter Tobias Tørresson Undheim (163.), og etter han åtte Erik G. Ueland denne parten, og Jon Engelsvoll hadde og hatt det ei tid. Sem og Randi Salte sine barn:

1. Karen Synøve Salte, f. 24-4 1952.
2. Brynhild Salte, f. 7-12 1955.

206B. Kåre Skipsgard, anleggsarbeidar, f. i Drammen 18-12 1913, gift 1948 med Karoline Sirevåg, f. i Ojna 15-6 1917. Kring 1925 selde T. Edland (161.) ein part av garden sin, bnr. 76, til Bolette (Opstad 8.). Straks etter selde Bolette til Karen (Gausland 32. 3.) — og i 1950 kjøpte R. Aadnesen denne parten, og selde til Kåre Skipsgard. Ikkje barn.

207. Marta Maria Ueland, Malmeim, — dotter til Mikkel og Grete Maria Ueland i Varhaug (sjå der 76. 4.), f. 11-1 1888, gift med Jonas Hansson Malmeim. Dei kom frå kvarandre ei tid etter dei var gifte, og Marta Maria var hjå morbror sin, Arnt Udem på Bø. I 1932 tok ho over bnr. 33 Vestrebø etter han. Ho har ein son:

Arne Ueland, f. 26-4 1913 (sjå 208.).

208. Arne Ueland, f. 26-4 1913, gift med Anna Opstad, f. 14-1 1913 (sjå Opstad 90. 10.). Arne Ueland er mekanikar og blekkslagar på Nærbø. Han har teke over bnr. 33 etter mora. Barn:

1. Målfrid Ueland.
2. Sven Arthur Ueland. Han drukna i ei tjørn i parken på Nærbø.
3. Anne Grete.
4. Sven Artur.

209. Kristian Gauksås. — Gift med Tora Grødem, f. 18-9 1911 (sjå 193.). Kristian Gauksås er smed hjå F. A. Underhaug. Han tok over ein part av vermora sitt stykke Dyrsvoll. — Barn:

1. Ola Gauksås, gift 1964 med Liv Berit Ravndal, f. i Gjesdal.
2. Leiv Gauksås, gift 6-8 1960 med Liv Are. Han er lærar.

210. Holger Martin Bore, lærar, f. i Sandnes 10-2 1904, son til bakarmeistar og kjøpmann Garman Enevald Bore og kona Sigrid. Gift 1936 med Henrikke Helland, f. i Sjernarøy 23-9 1913, dotter til Jens og Henrikke Helland. Holger Bore kom

til Nærbø som lærar i 1946. I 1962 bygde han eige hus på Bø. Dei har 3 barn:

1. Sigrud Bore, f. i Høgsvjord 3-2 1938, — gift med tannlækjar Eirik Årslund (Nærbø 86. 1.).
2. Marit Henrikke Bore, f. i Høgsvjord 1-3 1941, gift med Torstein Bø, f. i Rennesøy 16-4 1935.
3. Jens Bore, f. 1-5 1944.

211. Nikolai Berntsen (Motland 47. 2.), f. 1-11 1924, gift 10-1 1948 med Grete Rangen (Bø 169. 2.), f. 27-12 1926. Bur på ein part av bnr. 6. Mekanikar. 2 barn:

1. Grete Berntsen, f. 14-7 1948, gift med bakar Tor Sikveland.
 2. Torstein Berntsen, f. 30-8 1951.
- 212. Torger M. Edland** (189. 3.), fødd i Klepp 8-11 1942, gift 7-12 1963 med Bodil Berntsen. — Han tok over bnr. 64 etter faren i 1964. Barn:

1. Martin, f. 7-10 1964.
2. Bredo, f. 4-6 1966.

213. Torgeir B. Edland (190. 1.), f. 20-11 1941, gift 16-2 1963 med Astrid Elisabet Underhaug, f. 6-6 1945 (Nærbø st. under 49. 9. 3.). Mekanikar på Nærbø. Bur på ein part av faren sitt bruk. Barn:

1. Bjørn, f. 24-7 1963.
2. Harald, f. 9-9 1965.
3. Ranveig, f. 2-1 1969.

214. Odd Edland (190. 2.), f. 14-7 1946, gift 1966 med Else Olsdr. Horpestad, f. i Klepp 4-2 1949. Elektrikar i Nærbø. Bur på ein part av faren sin grunn. Barn: Børge Edland, f. 25-9 1966.

215. Tor Edland (191. 2.), f. 2-9 1949, gift 23-11 1968 med Kristine Tegle, fødd på Bryne 9-6 1949. Bur på Bø. Barn: Siv Karin, f. 29-4 1969.

216. Terje O. Bø (187. 1.), f. 14-9 1945. Gift 1968 med Unni Holsæter, f. i Årdal i Sogn. Han tok over bnr. 13 av Nils S. Bø (171.) i 1969.

G.nr. 27. Grøtheim

Grøtheim hadde ei korn landskuld på 18 spand i 1723. Namnet kjem av grjot (gråstein). Og det høver til garden. — Ingen gard i Nærbø har so mykje stor stein som Grøtheim. For 50-60 år sidan var både eng og åker på Grøtheim så fullsette av store steinar, at det var lite råd å bruke maskinar av noko slag. Nå har dei reinska ut all steinen i heimebøen, men utmarkjene er like fulle som før. — Morten Berg åtte heile Grøtheim i 1723. Frå 1803 er oppsitjarane oppførde som sjølveigarar i Futerekneskapen.

NAMNEREGISTER

1. Laurits Grøtheim
2. Bjørn Ellingson
3. Peder Ådneson
4. Kristofer Bjørnson
5. Lars Taraldson Bø
6. Erik Tjærandsen
7. Tore Olson Husmann
8. Halvard Asserson
9. Mikkel Mikkelsen Frøyland
10. Adne Hansson Oma
11. Ingebret Mikkelsen Friestad
12. Ola Knutson Garborg
13. Reiar Olson Opstad
14. Knut Olson Grøtheim
15. Sven Eivindson Gausland
16. Ingebret Toreson Våland
17. Eivind Nilsson Herigstad
18. Peder Mikal Peder Mikalson Grøtheim
19. Gunnar Gunnarson Kvål, Bø
20. Ola Arntson Brekko
21. Omund og Jesper Olson Mossige
22. Ola Jonson Eikeland
23. Arnt Olson Grødem
24. Omund Grødem
25. Ola A. Grødem
26. Edvard O. Grødem

1. Laurits er nemnd på Grøtheim i 1613. Han gav då 5 dalar i skatt.

2. Bjørn Ellingson gav 1 kalvskinn i leidang i 1624. I 1645 hadde han kona, ein dreng og ei gjenta og skatta 1 ort. Bjørn må ha sete lenge på Grøtheim, for han var der ennå i 1665 og var då 60 år gamal, og skulle då vore fødd kring 1605. Han var laugrettesmann i 1663. Kona hans heitte Siri Rasmusdotter og var dotter til Rasmus Torgierson Tjemsland og kona Herborg Rasmusdr. (Nord-Tjemsland 6. 3.). Me veit om 2 barn:

1. Kristofer Grøtheim, f. 1637 (4.).
2. Anna Bjørnsdr., gift m. Laurits Halvardson Skeie, bror til Gjøa Bjorhaug.

3. Peder Ådneson var gift med enkja etter Bjørn Ellingson, Siri Rasmusdr. Bjørn må vera død straks etter 1665, og Peder har så gifta enkja straks etter og så vorte buande på ein part av bruket. Han døde alt i 1675, og skifte etter han var 4-12 det året. Dei hadde 7 barn:

1. Adne Pederson.
2. Rasmus Pederson Kalberg i Time.
3. Mathias Pederson.
4. Peder Pederson Oma i Time.
5. Gunnar Grøtheim var verge for Ola Stigson Vigre i 1693.
6. Astrid Pedersdr. var gift og budde i Stavanger i 1691.
7. Herborg Pedersdr. var gift med Torgier Sæland, som der var skifte etter 22-9 1694.

3B. Gunnar Gunnarson Grøtheim var laugrettesmann i 1686. — Han er ikkje nemnd seinare, og det er uvisst kven han var.

4. Kristofer Bjørnson, son til 2., var fødd kring 1637, skifte 21-3 1685. Gift med Anna Gjermundsdotter. Kristofer hadde teke over og brukte heile Grøtheim i 1665, men sidan brukte stykfare, Peder Ådneson, ein part, og etter han Lars

Taraldson. — I 1665 stemnde Berit Bø Kristofer Grøtheim for han hadde stole ei lysesoks frå henne. Kristofer Grøtheim hadde 4 barn:

1. Isak Kristoferson var utanlands i 1695.
2. Berit Kristofersdr.
3. Anna Kristofersdr.
4. Kirsten Kristofersdr., død før 1695.

5. Lars Taraldson Bø (Bø 24. 2.) var fødd kring 1654, skifte 17-6 1695, gift 1) med enkja etter Peder Adneson, Siri Rasmusdotter, som der var skifte etter 24-11 1691, gift 2) med Eli Rasmusdr. Auestad (Auestad, Varhaug 6. 5.). Ikkje barn.

6. Erik Tjærandson, son til Tjærand Erikson Nord-Halleland i Varhaug (sjå der 6. 2.). Han var fødd kring 1658, gift 1) med enkja etter Kristofer Bjørnson, — Anna Gjermundsdotter, — som der var skifte etter 13-6 1695, gift 2) med enkja etter Lars Taraldson, Eli Rasmusdotter. Erik Tjærandson tok truleg over parten etter Kristofer Bjørnson i 1685. Han budde framleis på Grøtheim i 1695, men i 1701 var han komen til Orre, der han budde sidan. Dei heldt skifte med barna på Orre 11-12 1738. Erik Tjærandson hadde 1 barn i første gifte og 3 i andre:

1. Tjærand Erikson, fødd 1680, budde i Stavanger.
2. Rasmus Erikson Orre, f. 1705, gift med Ragnhild Jonsdr. Vestly.
3. Anna Eriksdr. var død då skifte var halde, ho hadde vore gift 1) med Lars Holen i Time, — gift 2) med Simon Jonson Holen frå Hadland i Gjesdal.
4. Barbro Eriksdr., gift med Erik Toreson Erga.

7. Tore Olson var husmann hjå Kristofer Bjørnson i 1665.

7B. Rasmus Johannesson byksla 9 spand i Grøtheim i 1716 av Monsieur Morten Leigh. Kanskje var han den same som er førd på Risa 40., og kunne då vore brorson til Kristofer Bjørnson (4.).

8. Halvard Asserson var komen til Grøtheim i 1695, truleg etter Rasmus Johannesson, — sidan Erik Tjærandson hadde den andre parten frå før. Det er uvisst kvar Halvard var komen frå, truleg var han son til Asser Larsson Lode (Lode 18.). Han var fødd kring 1663, og der var skifte etter han 1-9 1739. Han må ha vore gift 2 ganger, men me veit ikkje om den første kona, kanskje ho var dotter til Kristofer Bjørnson, anten Berit

eller Anna. Den andre kona var Kirsten Hansdotter Håland (Låge Håland 6. 3.), fødd kring 1699. Halvard hadde byksla 9 spand av Morten Bergh. Han let etter seg ein son i andre gifte:

1. Hans Halvardson, f. 1736, gift med Berit Olsdr. Bø (Bø 43. 5.). — Dei budde i Stavanger.

9. Mikkel Mikkelson Frøyland var son til Mikkel Mikkelson Frøyland i Time og kona Sissel Torstensdr., frå Gausland. Han var fødd kring 1670, død 7-7 1765. Gift med Berit Vikandsdr. Varhaug (Sør-Varhaug 20. 4.). Mikkel byksla 9 spand av Hrr. Morten Bergh i 1698 etter Erik Tjærandson. 6 barn er kjende:

1. Torsten Mikkelson, f. 1700, d. før 1754, ugift.
2. Vikan Mikkelson. Det var truleg han som i 1734 heitte Vikan Mikkelson Nærland. (Sjå Tingbok V side 53.) I 1738 hadde han rømt or tenest frå Tore Søyland, og i 1741 er han stemnd for leiermål med Ingeborg Gitlesdr. (Sjå Tingbok side 205 og 355.) Han var død barnlaus før 1758.
3. Kirsten Mikkelsdr., gift 1) med Tore Gudmestad (sjå der 15.), gift 2) med enkjemann Eivind Larsson Undheim.
4. Helga Mikkelsdr., f. 1714, gift med Ingebret Mikkelson (11.).
5. Marit Mikkelsdr., gift med Johannes Mikkelson Haugland (sjå Haugland, Varhaug 13 og Madland 15.).
6. Berit Mikkelsdr. Ho hadde hatt leiermål med den gifte mannen Torsten Larsson Anestad, som etter dom av 11-3 1743 "måtte bøde hans yderste formue til kongel, majestet."

10. Ådne Hansson var son til Hans Erikson Oma (Undheim?) i Time og kona Torborg Toresdr. Han var fødd kring 1710, gift 1) med enkja etter Halvard Asserson, Kirsten Hansdotter, som der var skifte etter 12-10 1750. Gift 2) med enkja etter Jon Rasmusson Horpestad i Klepp, Anna Toresdotter, dotter til Tore Henrikson Horpestad og Alheit Sigbjørnsdr. Horpestad. (Då Omund Grøtheim reiv dei gamle husa, fann han innskore i ein stokk: A.H.S. 17 . Det er greidt at dette var Ådne Hans Son sine namnetrekk, — så dei husa må ha vore sers gamle.) Ådne hadde byksla 9 spand etter Halvard Asserson. Han døde i 1770. Der er nemnde 2 barn i første gifte:

1. Hans Adneson, f. 1741, truleg død ung.
2. Ingeborg Adnesdr., f. 1743, gift med Ola Knutson (12.).

11. Ingebret Mikkelsen, — son til Mikkel Roaldson Auestad og kona Anna Antoniusdr. (sjå Auestad, Varhaug 17. 3.). Han var fødd kring 1726. Gift med Helga Mikkelsdr. Grøtheim (9. 4.), fødd kring 1714. Ingebret byksla dei 9 spand etter Mikkel Mikkelsen frå 1752. I 1768 kjøpte han dei 9 spand av Laurits Smith for 9 dalar. — Der er ikkje funne skifte etter korkje Ingebret eller Helga, og det er uvisst kva tid dei døde. 2 barn er kjende:

1. Ingeborg Ingebretsdr., f. 1752, gift med Reiar Olson (13.).
2. Anne Berte Ingebretsdr., f. 1757, gift m. Tore Toreson Våland (Våland 15.).

12. Ola Knutson Garborg var son til Knut Eivindson Garborg i Time og kona Guri Hansdr. frå Risa. Han var fødd i 1739, død 16-8 1801, — gift 1) med Ingeborg Adnesdotter Grøtheim, fødd kring 1743, skifte 17-6 1780 (10. 2.), gift 2) med Anna Rasmusdotter Årslund, fødd kring 1745, død 1791 (Årslund 18. 2.), gift 3) 2-2 1792 med Astrid Omundsdotter Opstad, som var fødd kring 1742, død 18-11 1804 (sjå Opstad 22. 3.). Ola Knutson kjøpte dei 9 spand av Laurits Ankerman Smith og syster hans i 1773. Han hadde 3 barn i første gifte og 3 i andre:

1. Knut Olson Grøtheim, f. 1774 (14.).
2. Ådne Olson Garborg, f. 1777, gift 1816 med Stine Pedersdr.
3. Kirsten, f. 1775, — gift med Rasmus Rasmusson Stangeland, Klepp.
4. Rasmus Olson Bø, f. 1780 (sjå Bø 71.).
5. Ola Olson Øksnevad, f. 1786, gift med Sissel Rasmusdr. Øksnevad i Klepp.
6. Hans Olson, f. 7-2 1790, d. før 1801.

13. Reiar Olson Opstad (Opstad 36. 2.), fødd kring 1756, død 3-7 1837, gift med Ingeborg Ingebretsdr. Grøtheim, f. 1752 (11. 1.). Reiar kjøpte 9 sp. av Ingebret Mikkelsen i 1782 for 90 rdl. Dei fekk 8 barn:

1. Astrid, f. 1782, d. 18-4 1864, ugift.
2. Berta Helena, f. 1784, d. 10-1 1855, ugift. Ho fekk ein son: Peder Mikal Peder Mikalson, f. 23-4 1819 (Torland 52. 4.) (18.).
3. Ingebret, f. 1786, d. 31-8 1787.
4. Ola, f. 3-2 1788, 15-11 1850. — Han hengde seg i lensmannsarresten på Hobberstad, der han var innsett, mistenkt for dråpsfreistnad på Maren Tjøsdr. Gudmestad.
5. Ingeborg, f. 19-10 1789, d. 12-11 s. å.
6. Ingeborg, f. 7-11 1790, d. 20-10 1818, ugift.
7. Rakel, f. 30-9 1792, d. 5-10 1794.

8. Rakel, f. 25-12 1797, død 23-11 1878, ugift.

14. **Knut Olson**, son til 12., fødd kring 1774, død på Gudmestad 2-5 1850, gift 1) Fastelavensundag 1802 med Sogni Rasmusdr. Bjorland, f. 1770, d. 14-11 1823 (sjå Bjorland 8. 3.), gift 2) 4-7 1824 med enkja Anna Kirstina Svensdr. Gudmestad, gift 3) 3-6 1835 med enkja Sissel Olsdr. Gausland. Knut kjøpte dei 9 sp. av syskena sine i 1802 for 140 rdl. -f- folge til stykmora Astrid Omundsdr. I 1825 selde han Grøtheim til Sven Eivindson Gausland og flutte til plassen Klubben eller Gjærdet under Gudmestad (Gudmestad 30.). Han hadde 4 barn i første gifte:

1. Ingeborg Gurine, f. 1-1 1803, gift 26-6 1831 med Lars Olson Sæland i Time.
2. Maren, f. 3-4 1804, gift 1826 med Jakob Olson Sæland i Time, enkjemann.
3. Ola, f. 21-6 1806. Han var skomakar på Sandnes, ugift.
4. Rasmus, f. 19-12 1809, gift med Rakel Rasmusdr. Bergeland. Han var snekker i Stavanger.

15. **Sven Eivindson Gausland** (Gausland 18.), kjøpte av Knut Olson i 1825.

16. **Ingebret Toreson Våland** (sjå Våland 19. 2.), f. 19-12 1819, d. 22-11 1851, gift 30-10 1845 m. Elen Olina Svensdr. (15.), f. på Gausland 14-6 1818 (Gausland 18. 4.). Ingebret kjøpte bnr. 2 av Sven Eivindson i 1845 for 150 spd. + folge. Han hadde ein son som var f. eit halvt år etter Ingebret var død:

1. Ingebret Ingebretson, fødd 27-5 1852. Han var ei tid handelsm. i Stavanger.

17. **Eivind Nilsson Herigstad** var son til Nils Tolleivson Herigstad i Time og kona Marta Sørensdtr., f. 27-1 1821, gift 9-6 1853 med enkja etter Ingebret Toreson, Elen Olina Svensdr. Han kjøpte bruket av Ingebret si dødsbu i 1853 for 650 spd. I 1856 selde han til Omund Olson Mossige for 12 spd. Omund fekk skjøte av Kristian Skrettingland på Eivind Nilsson sine vegne i 1865. Eivind var seinare kjørar i Stavanger. 2 barn fødte på Grøtheim:

1. Marta Maria, f. 1854, d. 22-1 1857.
2. Sven, f. 3-3 1855.

18. **Peder Mikal Peder Mikalson** (13. 2.), f. 23-4 1819, d. 20-12 1891, gift i Time 12-12 1844 med Margreta Olsdr. Undheim, f. 14-11 1818, d. 9-1 1863, dotter til Ola Olson St. Undheim og kona Marta Sørensdtr. Peder Mikal tok over bnr. 2

i 1852 etter Ola Reiarson (13. 4.) som hadde teke over etter faren i 1811. Han sku vore noko av ein raring og vart gjord umyndig. — Frå 1865 var garden pakta bort, først til Ola Tolleivson Sæland i Time og sidan til Simon Lode. I 1870 kjøpte Ola Arntson Brekko garden av Peder Mikal og Rakel Reiarson. Før han kom til Grøtheim hadde han butt ei tid som husmann på Urheia under Motland. Dei fekk 7 barn:

1. Ingeborg Berte, f. 2-1 1845, gift med Martin Dalane (Bø 115.).
2. Ola, f. på Urheia 25-4 1847, d. 7-5 1884, ugift. Var sjømann.
3. Maria, f. på Grøtheim 29-10 1849, gift med Eivind Søyland (sjå Søyland 41.).
4. Rasmus, f. 4-12 1851, gift 9-6 1893 med Elen Gjermundsdr. Line, fødd 1864 (Gjermund Våland og Berta Maria Henriksdr. Line). Sjømann.
5. Lars, f. 13-1 1855.
6. Maren Olina, f. 23-7 1857, gift med Vilhelm Salte.
7. Ane Elisabet, f. 22-3 1860, gift med Tobias Olson (Høyland 157.).

19. Gunnar Gunnarson Kvål var bror til Peder Lode (43.) og Ola Njølstad (11.). Han var f. på Tysland i Bjerkreim 24-2 1806, d. på Grøtheim 3-4 1871, gift 1) i Ogna 9-1 1826 med Rakel Jakobsdr. Bø i Ogna, f. 27-10 1799, d. 1860, gift 2) 23-3 1862 med Guri Omundsdr. frå Eikeland i Bjerkreim, f. 11-9 1829, dotter til Omund Andersson Eikeland og kona Karen Jonsdr. frå Moi i Bjerkreim. Med den første kona budde han på Bø i Ogna. I 1857 selde han 12 sp. i Bø til sonen Gunnar. Frå kring 1864 budde han som husmann på Grøtheim. — Då han var død, flutte enkja tilbake til Ogna. Han hadde 3 barn i første gifte og 3 i andre:

1. Jakob, f. 11-8 1826.
 2. Rakel Johanna, f. 20-4 1829, gift med Gunnar Olson Njølstad (Njølstad 15.).
 3. Gunnar Gunnarson Bø, f. 8-10 1830, gift 1855 med Maren Kirstina Abrahamsdr. Topdal.
 4. Karen, f. på Vetteland 1862, gift 14-12 1882 med Lars Martin Ivarson Ueland i Varhaug (sjå der 77.).
 5. Rakel, f. på Grøtheim 2-12 1864, gift med Andreas Fosse.
 6. Grete, f. 30-12 1866, d. 22-8 1867.
- Guri Omundsdr. hadde ei dotter u.e.: Lea Jakobsdr., f. i Stavanger, gift m. Tønnes Taraldson Skretting på Mathingsdal.

20. Ola Arntson Brekko var son til Amt Torgerson Brekko i Time og kona Anna

Maria Olsdr. Han var f. i Time 6-4 1829, d. 3-9 1899, gift 6-4 1870 med Berta Serina Jonsdr. Opstad, f. 14-1 1844, d. 31-1 1894 (Opstad 58. 11.). Ola kjøpte bnr. 2 av Peder Mikal og barna hans for 800 spd. + følge til Rakel Reiarson. Tobias Olson Gudmestad var formyndar for Peder Mikal. Ola Arntson hadde fyrst vore og sett på Skjeraberget på Bø som og var på handel då, men han fann at Grøtheim var ein betre gard enn Skjeraberget som berre var store bakkar med myrar og fen i millom. Dei fekk 6 barn:

1. Arnt Grødem, f. 20-2 1871 (23.).
2. Anna Maria, f. 3-3 1873, gift 1-10 1897 med skomakar Halvard Halvardson Mossige på Nærbø.
3. Anna Helena, f. 22-6 1876, d. 1-1 1908, ugift.
4. Berta Serina, f. 18-12 1878, d. 28-9 1930, ugift.
5. Jorina, f. 14-11 1880, d. 28-3 1885.
6. Olava, f. 19-12 1883, d. 5-5 1884.

21. Omund Olson Mossige var son til Ola Pederson Mossige i Time og kona Anna Omundsdr. frå Tjensvoll. Han var fødd 26-7 1819, gift 26-3 1857 med Inger Nilsdr. Garpestad, f. 1-6 1835, d. 29-10 1920, dotter til Nils Jonson Garpestad i Time og kona Ragnhild Pedersdr. — Omund kjøpte bnr. 1 av Eivind Nilsson Herigstad i 1856 for 1200 spd. Dei fekk ikkje barn, og frå 1878 er brorsonen Jesper Pederson på denne parten. Eg er ikkje viss om anten han hadde kjøpt eller berre forpakta av Omund. Han budde seinare på Tjensvoll i Time.

22. Ola Jonson Eikeland var son til Jon Jonson Eikeland i Time og kona Anna Sofie Jaspersdr. frå Taksdal. Han var f. 19-9 1865, d. 28-9 1924, gift 17-11 1886 med Anna Tobiasdr. Taksdal, f. 7-2 1863, dotter til Tobias Jespersen Taksdal og kona Kirsten Stoltenberg Nilsdotter frå Garpestad. Ola og Anna var syskenbarn. Ola Jonson kjøpte bnr. 1 av Omund Olson i 1887 for 2500 kroner + følge til selgjaren og kona hans og til Elen Olina Svensdr. — Dei fekk 8 barn:

1. Kirsten Stoltenberg, f. i Time 1887. Bur på Bø.
2. Ane Sofie, f. 11-1 1889, d. 17-2 1968. Budde på Grøtheim.
3. Tobias, f. 10-11 1891, d. 26-1 1892.
4. Tobias, f. 1-1 1893, d. 14-3 1895.
5. Inga Oline, f. 24-12 1895, d. 26-2 1896.
6. Omund Grødem, f. 1-3 1897. Han tok over bnr. 1 i 1932.
7. Jon, f. 1-5 1899, d. 12-8 s. å.

8. Olaf Alfred, f. 20-8 1900, gift 1937 med Sara Edvardsen, f. i Spinn 16-3 1908. Bur på Fosse i Time.
23. Arnt Olson Grødem, son til 20., f. 20-2 1871, d. 15-1 1954, gift 6-2 1897 med Anna Sofie Jonsdtr. Eikeland, f. 8-7 1870, d. 28-6 1950, syster til 22. Arnt tok over bnr. 2 i 1897. Dei fekk 7 barn:
 1. Berta Serina, f. 29-5 1897, d. 19-3 1936, ugift (14-4 1938?).
 2. Ola Grødem, f. 17-2 1899. Han tok over bnr. 2 i 1945.
 3. Jon Grødem, f. 23-1 1901, gift i USA med Marion Forsythe.
 4. Arne Grødem, f. 3-9 1903, gift i USA med Victoria Zobec.
5. Anna Sofie, f. 22-2 1906. Bur på Grøtheim.
6. Andreas, f. 6-9 1909, d. 27-8 1938.
7. Sverre, f. 7-2 1912, d. 2-2 1913.
24. Omund Olson Grødem, son til 22., f. 1-3 1897. Han tok over bnr. 1 etter faren 1 1932. Er ugift.
25. Ola Arntson Grødem, son til 23., f. 17-2 1899, d. 22-3 1965. Han tok over bnr. 2 etter faren i 1945. Er ugift.
26. Edvard O. Grødem, brorson til 24., f. på Fosse i Time 9-6 1943, gift m. Myrthel Sørli. Han tok over bnr. 1 etter farbroren i 1965.

G.nr. 28. Gudmestad

Namnet kjem av mannsnamnet Gudmund (Gudmundarstadr). Lokal uttale er Goddmesst. I 1563 er det skrive Gudmundstadt, i 1606 Gudmunsta, i 1668 Gudmestad med Maihaug. Garden hadde ei korn landskyld på IV₂ pund eller 30 spand i 1723. Då var garden 3 bruk med 10 sp. kvar. Oppsitjarane har alle tider sidan vore sjølveigarar. Gudmestad skifter i vest med Bø og Grøtheim, i nord med Torland og i aust med Njølstad og Gausland og noko med Risa. Garden har lite myr, men leir og grus under husen.

NAMNEREGISTER

1. Olluff
2. Jørgen
3. Gitle Gudmestad
4. Rasmus Gitleson
5. Knud Gudmestad
6. Gjermund Jonson
7. Johannes Ameson
8. Ola Simonson
9. Erik Gjermundson
10. Torkel Gregoriusson
11. Erik Olson
12. Peder Pederson
13. Ola Nilsson
14. Elling Olson
15. Tore Toreson
16. Nils Olson
17. Mikkel Tolleivson
18. Ola Toreson
19. Ola Nilsson
20. Sivert Mikkelson
21. Johannes Mikkelson
22. Abraham Mikkelson
23. Tore Olson
24. Ola Olson
25. Peder Olson
26. Ola Toreson
27. Tollak Tollakson
28. Gabriel Toreson Stavnheim
29. Tore Omundson Bø
30. Knut Olson Grøtheim
31. Lars Pederson
32. Ola Pederson
33. Tønnes Sivertson
- 34.
- 35.
36. Tobias Olson Gudmestad
37. Tønnes Tollakson
38. Omund Toreson
39. Nils Hansson Trikanten
40. Nils Nilson Orstad
41. Mathias Halvardson (Fanta-Matias)
42. Kristian Jespersion Taksdal
43. Peder Olson Gudmestad
44. Edvard Severin Toreson Årre
45. Ola Olson Bø (By-Ola)
46. Bertinius Gunderson Kverme
47. Tollef Tønnesson
48. Ola Tobiasson
- 49.
50. Lars Albretson Øglænd
51. Sille Maria Olsdtr.
52. Lars Rasmusson Opstad
53. Ola Andresson Undheim
54. Ola Eivindson Tunheim
55. Tønnes Kvia
56. Per Håland
57. Laurits Hinna
58. Brørne Herigstad
59. Tønnes Tønnesson Lode
60. Johan Mauland
61. Torolf Boganes
62. Signe Emilie Haugstad
63. Tønnes Tollefson
64. Trygve Tollefson
65. Tobias Olson
66. Ole O. Gudmestad
67. Lars L. Opstad
68. Jens L. Opstad
69. Eivind Tunheim
70. Nils Reime
71. Odd Risa

1. **Olluff** er den første som er nemnd på Gudmestad. Han står som brukar i 1563.

2. **Jørgen** er nemnd i 1563 saman med Olluff.

3. **Gitle Gudmestad** er nemnd frå 1593 til 1603. Han var bror til Olluff Ivarson Bø (Bø 8.). Hans søner var truleg:

1. Rasmus Gitleson Gudmestad (4.).
2. Tjærånd Gitleson.

4. **Rasmus Gitleson**, nemnd i 1613, var truleg son til 3. Han brukte 10 spand og gav 2 spand leidang i 1619.

5. **Knut Jonson Nærland** (Nærland 6.). Han var gift 1) med enkja etter Gitle Gudmestad, gift 2) med ukjend, gift 3) med Guri Svensdotter Hognestad, enkja etter Bjørn Hognestad. Knut brukte 20 spand og gav 4 spand leidang i 1619. Han var lensmann etter Ola Reime frå 1634 til 1640. — Då han gifta seg med Guri Hognestad flutte han til Hognestad og let over Gudmestad til versonen, Johannes Arneson. Der var skifte etter Knut på Hognestad 13-10 1669. Der er nemnd ei dotter av andre gifte:

Kari Knutsdotter, gift med Johannes Arneson (sjå 7.).

6. **Gjermund Jonson Nærland** var bror til Knut. Han er og kalla syskenbarn til Laurits Arneson Vig, som var bror til Johannes Gudmestad. — Gjermund var fødd kring 1593, død kring 1665. Gift med Siri Gjermundsdotter, syster til Ivar Tu og Gunnar Laland. Siri var enkje i 1665 og hadde då 3 søner:

1. Isak Gjermundson, f. 1630, folgemann i 1701. (Tingbok I side 153.)
2. Jon Gjermundson, f. 1643, d. 1665.
3. Erik Gjermundson Gudmestad, f. 1645 (sjå 9.).

7. **Johannes Arneson Vig**, son til lensmann Ame Vig. Han var fødd kring 1615, gift med Kari Knutsdotter Gudmestad (5. 1.). Johannes tok over parten etter Knut, men i 1665 brukte han berre 10 spand. (Sjå Tingbok I side 132 og 242.) Det er muleg at Johannes var gift ein gong til, og at dei 3 yngste barna var av andre gifte. Der er nemnde 5 barn:

1. Knut Johannesson, f. 1645, truleg d. før 1665.
2. Maren Johannesdtr., gift med Torkel Gregoriusson (10.).
3. Arne Johannesson, f. 1656.
4. Tørres Johannesson, f. 1654.
5. Johannes Johannesson, f. 1660.

8. **Ola Simonson Garborg** var på Gudmestad i 1665 og brukte då 10 spand som truleg var dei andre 10 spand som Knut hadde brukt. Han var son til Simon Olson Garborg og kona Joron Svensdtr. Fødd kring 1625 og gift med Berit Svensdotter (enkje etter Josef Fotland i Time, og hadde 2 døtre med han, Magla og Marit, som begge var gifte i 1679). Ola Simonson fekk kjøpebrev frå Søffren og Peder Pederson Saxser på 10 spand i Gudmestad i 1690, same dagen selde han det same til versonen Erik Olson. (Sjå Tingbok II side 82.) Ola Simonson og Berit Svensdtr. hadde 4 barn:

1. Sven Olson Garborg, gift med Randi Knutsdtr.
2. Anna Olsdtr., gift m. Erik Olson (11.).
3. Berit Olsdtr., gift m. Erik Olson Talje i Ryfylke.
4. Joron Olsdtr.

9. **Erik Gjermundson**, son til 6., var fødd kring 1645, død 1714, skifte etter han 10-10 det året. Kona er ukjend, og ho døde før han. Han brukte truleg dei 10 spand som mora hadde i 1665. 4 barn er nemnde:

1. Jon Erikson Djøseland, f. 1669 (sjå Djøseland 2.).
2. Kari Eriksdtr. var i Holland i 1714.
3. Berit Eriksdtr., gift med Josef Olson Bø (sjå Bø 39.).
4. Maren Eriksdtr., gift med Elling Olson (14.).

10. **Torkel Gregoriusson Njærheim** (sjå Njærheim 22.) var fødd kring 1650. Gift 1) med Maren Johannesdotter (7. 2.), skifte etter henne 9-3 1694. Gift 2) med Ingeborg Vellumsdotter frå Bø i Ogna, som der var skifte etter 25-8 1713. Gift 3) med Berit Larsdotter Ånestad. — Torkel budde på Gudmestad i 1701. Seinare kom han til Ånestad (sjå der 27.).

11. **Erik Olson Bø** (Bø 28.) var fødd kring 1665, død 1697, skifte etter han 13-12 det året. Han var gift med Anna Olsdotter Gudmestad (8. 2.). Etter Erik vart ho gift med Peder Pederson (12.). Erik kjøpte 10 spand av verfare i 1690. Dei hadde 2 barn:

1. Ola Erikson, f. 1695, d. før 1719.
2. Berit Eriksdtr., gift med Tore Toreson (15.).

12. **Peder Pederson** budde på Gudmestad i 1707 og var då gift med enkja etter Erik Olson, Anna Olsdtr. Det er uvisst kvar han var frå. Han var fødd kring

1664 og kom til Gudmestad kring 1698, kring 1724 flutte han til Tunheim, og Tore Toreson tok over Gudmestad. (Sjå Tingbok II side 180 og Tingbok VII side 177 og 238.) Han var barnlaus på Gudmestad.

13. **Ola Nilsson Njølstad** (Njølstad 5. 1.), var fødd kring 1665, men me veit ikkje kva tid han døde. Kona er uviss. — Ola Nilsson er nemnd første gongen på Gudmestad i 1711, men i 1718 står det at han kom der i 1693. I 1701 var han på Ånestad, men må ha kome til Gudmestad att då Torkel Gregoriusson flutte til Ånestad. Eg har meint at dei fylgjande var hans barn, men det er nok uvisst om alle var det:

1. Nils Olson Gudmestad, f. 1704 (16.).
2. Sven Olson Håland (Låge Håland 8.).
3. Guri Olsdtr., gift med enkjemann Tore Toreson (15.).
4. Malena Olsdtr., f. 1700, gift med Ola Stigson Bø (Bø 45.).
5. Berit Olsdtr., gift med Tarald Torland (Torland 24.).
6. Tore Olson Gausland, f. 1714 (Gausland 10.).

14. **Elling Olsson Ånestad** (sjå Ånestad, Varhaug 24. 1.). Han var fødd kring 1695, gift 1714 med Maren Eriksdotter Gudmestad (sjå 9. 4.). Maren døde i 1742, og der var skifte etter henne 29-11 det året. Elling tok over 10 spand etter verfare i 1714. Han levde i 1758. Der er nemnde 4 barn:

1. Erik Ellingson levde i 1753, men er ikkje nemnd seinare.
2. Ingeborg Ellingsdtr., gift med Mikkel Tolleivson (17.).
3. Helga Ellingsdtr., f. 1626, tente hjå Mikkel Tolleivson i 1758.
4. Ola Ellingson Opstad, f. 1728 (Opstad 40.).

15. **Tore Toreson Torland** (Torland 22.), var fødd kring 1699, død 1760, skifte 18-2 det året. — Gift 1) med Berit Eriksdtr. Gudmestad (11. 2.), gift 2) med Guri Olsdtr. Gudmestad (13. 3.), gift 3) med Kirsten Mikkelsdtr. Grøtheim (Grøtheim 9. 3.). Kirsten vart gift 2) i 1760 med enkjemann Eivind Larsson Undheim. Ho døde på N. Halleland i Varhaug 28-8 1796. Tore hadde kjøpt 2y2 spand av Peder Pederson i 1723 og hadde fenge 7y2 sp. med kona, Berit Eriksdotter. Han fekk skjøte på same 23-11 1730.

Dette skjøte er eit forvitnelegt dokument, som me skal ta med her: — ”Samtlige

arvinger efter salig Beritte Eriksdatter Gudmestad. Deres Asteds skjøde til Tore Toreson Gudmestad: Vi efterskrefvne arvinger efter salig Berette Eriksdatter Gudmestad, nafnlig: farbrødre Rasmus Fuglestad og Asbiørn Reiestad, død, hvis børns formyndere, jeg Knud Reiestad og Elias Ånestad ere. Farsøstre, Ranved Qverme, med min mand Johannes Qverme. Tosten Gundersen, på min afdøde moder Malli Stafnems vegne, Modersøster efter deres børn, saasom Sven Garborgs 8 børn, hvoraf jeg Sivert (Simon) Fosse er den eldste, paa alle mine søskendes vegne, undtagen jeg Lars Ouglænd som er self paa min hustrus, Beritte Svensdatters vegne, Jeg Ole Eriksen (Friedstad?) paa egne og Tarald Eriksens Risa?) vegne. Jeg Erik Olsen Talgø i Ryfylke paa min hustru Berte Olsdatters vegne. Og endelig jeg Halvor Josefsen paa min afdøde moders, Magnille Fotlands børns vegne — Kiendes og hermed vitterliggjør, at vi samtlige paa egne og vore søskendes vegne, med fri villie og velberaad hue og sind, haver soldt og afhændet, saa som vi og hermed selger skjøder og aldeles afhænder fra os, dem og deres arvinger ald dend lod og part vi efter salig Beritte Eriksdatter Gudmestad, efter skifteforretning efter hende holden dend 30 November 1724, tilfaldne, som er paa os alle arvinger 5 (fem) spand jordegods udi gaarden Gudmestad i Qvie skibrede beliggende, som samme forretning videre omforbemelder, og det til hendes efterlattede mand, Peder Pedersen Gudmestad, hans hustrubørn og arvinger, hvilke forskrefvne jordegods paa os alle sammen 5 spand, siger fem spand, udi (gedagte?) gaard Gudmestad, og som meldt er tilfalden, foruden at ham (Tore Toreson) paa dito skifte self tilkom de øvrige 5 spand, saa han nu 10 spand korn landskyld bliver eiende, med odel og aasted, huus og herberg, ager og eng, skaug og mark, fiskevand og fægang, lotter og lunde, veide og veidesteder, intet undtagen af hvad slags herlighed som dertil ligger og af alders tid tilligget haver bemeldte Tore Toreson Gudmestad, herefter skal hafve, eie, nyde, bruge og beholde, for sit fri frelselig arf og kjøb til evindeligh odel og eiendom, uigienkaldet af os eller medarvinger, efterdi vi alle, paa forberørte skifte, med rede penge, 15 rdl. siger femten rigsdaler, er betalt, hvorfor nu, hver for sin part er skeed fornøielse som skifteforretning med mere omformelder, saa vi takker for god og redelig betaling. Derimod lover

og tilforpligter os og vores arvinger at være merbemeldte Torre Torsen Gudmestad og hans arvinger fulde og faste hjemmelmænd for alle og enhvers til eller paatahle, som derpaa med nogen rett tahle kand eller tviste, saa hand og hans arvinger af os og vore arvinger udi disse 5 spand korns kjøb attermeldte gaard Gudmestad skal være og blive uden skade og skadesløs holden i alle optænkelige maader. Til des fastere forsikring have vi dette skjøde med vores seignetter, hender eller bomærkers hossettelse bekræftet, samt venlig ombudet Olle Nielsen Gudmestad og Elling Olsen ibidem med os at underskrive og forseigle. Skrefven paa Haar dend 23 November 1730. — Rasmus Fuglestad. Johannes Qverme. Knud Reiestad. Simon Fosse. Halvor Fodtland, Tosten Stafnem. Olle Efvestad. Lars Haugland. Elias Eriksen Aanestad. Til vitterlighed: Olle Nielsen Gudmestad. Elling Olsen Gudmestad. Thinglyst paa Vaarthinget for Qvie skibrede holden paa Haaberstad 6 Marti 1731. tester: U. S. Aagaard.”

Simon Svenson Fosse hadde, som første odelsmann til dei nemnde 10 sp. i Gudmestad, selt retten sin til sin svoger Tore Toreson. Tore hadde 6 barn i første gifte og 1 i andre:

1. Ola Toreson Gudmestad, f. 1723 (18.).
2. Tore Toreson Våland, f. 1728 (Våland 14.).
3. Håvard Toreson, f. 1733, d. på Gudmestad 13-3 1815. Han hadde vore gift med Malena Hansdtr., f. 1752, d. 1786, og butt i Stavanger.
4. Berta Toresdtr., fødd 1736, gift med Rasmus Olson Bø (Bø 56.).
5. Anna, f. 1738, gift med Hans Hansson (Risa 46.).
6. Berta d. y., fødd 1740, gift med Sven Olson.
7. Sven Toreson, f. 1750, gift med Karen Rasmusdotter Opstad. Budde på Nord-Halleland i Varhaug (17.).

16. **Nils Olson**, son til 13., fødd kring 1704, gift med Gunhild Olsdtr. Næsheim, skifte 7-4 1747 (Næsheim 41. 2.). — Nils fekk skjøte av faren på 10 sp. i Gudmestad i 1744. Han levde i 1758 og hadde 2 barn:

1. Berit, f. 1744, gift 1) med Ola Hansson Njærheim, gift 2) med Rasmus Olson Njærheim (Njærheim 74. og 75.).
2. Ola Nilsson Gudmestad, f. 1746 (19.).

17. **Mikkel Tolleivson** var son til Tolleiv Mikkelson Helland frå Våland og kona, Berit Rasmusdtr., fødd kring 1720, død

3-7 1802, gift 1) med Ingeborg Ellingsdtr. Gudmestad (14.), fødd kring 1718, skifte 21-11 1769, gift 2) med enkja etter Ola Garborg, Marit Omundsdr., fødd kring 1717, død 16-3 1791. Mikkel fekk skjøte av verfaren på 10 sp. i 1745 for 30 rdl. Samstundes fekk han åsætesskjøte frå verbrosren, Erik Ellingson. Mikkel Tolleivson bygde nytt hus med stove, kammers og kjøkken i 1772, og i 1774 fekk sonen Sivert halve garden. Den andre halvparten brukte han sjølv til 1780. — 6 barn i første gifte:

1. Sivert Mikkelson Gudmestad, f. 1746 (20).
2. Elling Mikkelson, fødd 1750, gift med Elen Larsdtr. Vashus. Budde på Vashus i Klepp.
3. Tolleiv Mikkelson, f. 1748, d. før 1769.
4. Mikkel, f. 1753, d. før 1769.
5. Johannes Mikkelson Gudmestad, fødd 1756 (21.).
6. Abraham Mikkelson, f. 1761 (22.).

18. **Ola Toreson**, son til 15., fødd kring 1723, død 1783, gift 1) i Time 1751 med Anna Svendsdr., gift 2) kring 1756 med Guri Eriksdtr. Gausland, fødd kring 1728, død 8-7 1795 (Gausland 9. 1.). Ola Toreson budde på Riskild i Klepp i 1758, men var komen til Gudmestad i 1768. Han hadde fenge skjøte frå syskena sine alt i 1760 på 10 spand i Gudmestad og åtte dessutan 10 spand i Gausland. (Dette må vera gale, for Haa prestebol åtte heile Gausland.) Ola Toreson hadde 1 barn i første gifte og 5 i andre:

1. Inger, f. 1751, gift 1) med Salomon Vikanson Anestad, 2) med Hans Svenson Anestad (Anestad 50. og 51.).
2. Anna, f. 1756, gift med ein Ole, og hadde ein son: Ola Olson Todneim.
3. Tore Gudmestad, f. 1758 (23.).
4. Erik, f. 1767, gift med Gurine Rasmusdtr. Stokka. Budde i Høyland.
5. Ola Olson Gudmestad, f. 1767 (24.).
6. Guri, f. 1773, gift med Knut Svenson på Sandnes.

19. **Ola Nilsson**, son til 16., var fødd kring 1746, død 27-8 1804. Gift 1) 17-11 1764 i Time med Maren Olsdotter Hognestad, fødd 1740, død 1767, dotter til Ola Nilsson Hognestad og kona Maren Andersdotter. Gift 2) i Ogna 6-3 1768 med Ester Pedersdotter Friestad, fødd 1743, død 28-1 1816, dotter til Peder Gullikson Friestad i Ogna og kona Anna Pedersdtr. frå Voll i Varhaug (sjå Voll 20. 1.). Ola Nilsson vart tilskriven 5 spand i Gudmestad ved skiftet etter den første kona i 1767. Dei

andre 5 spand gjekk til sonen Nils. Ola Nilsson hadde 1 barn i første gifte og 4 i andre:

1. Nils Olson, f. 1766, d. før 1787.
2. Maren Olsdtr., f. 1770, gift 1799 med Peder Simonson Vigre (sjå Vigre 37.).
3. Peder Olson Gudmestad, fødd 1776 (sjå 25.).
4. Anna Olsdtr., f. 1780, gift 1816 med Gabriel Rasmusson Torland (sjå Gausland 21.).
5. Berta Olsdtr., f. 1784, gift med Isak Toreson Stavnheim (Reime 21.).

20. Sivert Mikkelson, son til 17., var fødd kring 1746, død 25-4 1822. Gift 1) med Berit Torstensdotter Stavnheim (sjå der 20. 9.), fødd kring 1749, død 23-7 1795, gift 2) 9-7 1818 med Malena Rasmusdtr. Torland, fødd i Stavanger 1793, dotter til Rasmus Olson Torland og kona Barbro Gulliksdtr. (Torland 36. 2.). Sivert fekk skjøte på 5 spand av faren i 1784, som han då hadde brukt 10 år. I 1788 fekk han skjøte på dei andre 5 spand av enkja etter broren Johannes, for 95 dalar. Han hadde 2 barn i første gifte og 2 i andre:

1. Tønnes Sivertson, f. 1773, d. 12-4 1808, ugift.
2. Ingeborg Sivertsdtr., f. 1776, gift med Jon Larsson Obrestad (Sør-Reime 22.).
3. Tønnes Sivertson Gudmestad, f. 1823 (33.).
4. Ingeborg Sivertsdtr. d. y., f. 3-5 1819, gift 1) med Torkel Larsson Halleland, gift 2) med Gabriel Gunnarson (N. Halleland 24.).

21. Johannes Mikkelson, bror til Sivert, var fødd i 1756, død 1785, gift 1783 med Anna Maria Olsdotter, fødd 1758, dotter til Ola Gabrielson Garborg og kona Marta Omundsdtr., f. Garborg. Johannes hadde fenge skjøte på 5 spand i Gudmestad, bnr. 2 eller kanskje 3, av faren i 1784. Då han var død, selde enkja det same til Sivert Mikkelson og gifta seg med Aslak Aslakson Tunheim. Johannes og Anna Maria fekk 1 barn:

Ingeborg Johannesdotter, f. 1785, gift 1810 med Torger Olson Lende i Time. Dei budde på Fotland.

22. Abraham Mikkelson, bror til Sivert og Johannes, fødd 1761, død 19-3 1848, gift 31-5 1817 med Maren Tjølstdotter Hårr, (Hårr, Varh. 43. 7.). — Abraham byksla Gjerehaugen av broren Sivert i 1823. Maren fekk oppsett hjå Tønnes Sivertson i 1849. Dei fekk ei dotter:

Ingeborg, f. 5-12 1823, død same året.

23. **Tore Olson Gudmestad**, son til 18., var fødd i 1758, død 17-7 1817, gift kring 1785 med Berit Gunnarsdotter Håland, fødd 1758, død 13-6 1814 (Låge Håland 9. 6.). Tore Olson fekk skjøte på 10 sp. av mora i 1784 for 40 dalar og folge. Dei fekk 8 barn:

1. Guri Toresdtr., f. 1786, gift med Anfinn Einarson Re.
2. Ola Toreson Gudmestad, f. 1789 (26.).
3. Ingeborg Toresdtr., f. 13-11 1791, gift med enkjemann Sven Omundson Bø (Bø 77.).
4. Maren Toresdtr., fødd 1794, gift med Tollak Tollakson (27.).
5. Margreta Toresdtr., f. 1799, gift 1822 med Hans Einarson Re.
6. Berta Toresdtr., f. 1796, gift 1843 med enkjemann Lars Larsson Gramstad i Høyland.
7. Gunnar Toreson, f. 1803, d. 15-2 1804.
8. Anna Toresdtr., f. 1-6 1806.

24. **Ola Olson**, bror til Tore Olson, var fødd kring 1767, død 27-9 1798. Gift 10-3 1790 med Anna Kirstina Svendsdtr. Næsheim, fødd kring 1767, død 15-8 1834 (Næsheim 49. 2.).-Ola budde ei tid på Øksnevad i Klepp, men seinare kom han til Gudmestad og budde som husmann på plassen Klubben. Dei hadde 4 barn. Anna Kirstina hadde dessutan ei dotter u. e.:

1. Ingeborg Olsdtr., f. 1791. Ho var hjå morbroren, Eivind Ellingson Næsheim i 1801, vart seinare gift med enkjem. Elling Pederson Høyland på Trones (sjå Høyland under 36. 1.).
2. Guri Olsdtr., f. på Øksnevad 1793, gift 1821 med Lars Larsson Husveg i Eigersund (Husveg 31. 3.).
3. Ola Olson, f. på Høyland, d. på Gudmestad 9-4 1799.
4. Olina Olsdtr., f. på Næsheim 1799.
5. Laurentsa Larsdtr., f. 7-4 1803, gift med Tønnes Olsson Kongvaren (S. Tjemsland 28. 2.). Flutt til Stavanger i 1829.

25. **Peder Olsson Gudmestad**, son til 19., fødd kring 1776, død 18-1 1850. Gift 1802 med Ingeborg Larsdtr. Kvia, fødd kring 1780, død 5-1 1853 (Kvia 24. 1.). Peder fekk skjøte på 10 spand av faren i 1801 for 100 dalar. Dei hadde 9 barn:

1. Ola Pederson Gudmestad, f. 1802, d. 1814.
2. Lars Pederson Gudmestad, fødd 1804 (sjå 31.).
3. Asselina Pedersdtr., f. 10-12 1807, gift 1828 med Ola Vigdel.

4. Nils Pederson, f. 19-7 1810, d. 1812.
5. Ester Pedersdtr., f. 26-2 1813, gift 1834 m. Theofilus Tønnesson Søyland (Søyland 21.).
6. Grete Pedersdtr., f. 2-11 1815, gift 1841 med Nils Toreson Kartevoll. Han var politi og sluttar i Stavanger.
7. Ola Pederson Gudmestad, f. 26-4 1818 (sjå 32.).
8. Peder Pederson, f. 2-1 1821, d. 25-12 1840.
9. Nils Pederson, f. 26-6 1824, gift i Stavanger 14-12 1849 med Anna Louise Aamodt. Handelsmann i Stavanger.

26. **Ola Toreson**, son til 23., f. 9-8 1789, d. 10-11 1846, gift 1-6 1828 med Guri Knutsdtr. Kvia, f. 17-12 1805, d. 24-1 1875 (Kvia 31. 2.). Då Ola var død, gifta Guri seg 1-4 1852 med enkjemann Hans Einarson Re, som før hadde vore gift med Ola si syster, Margreta Toresdtr., og då Hans Re var død, flutte ho heim til sonen på Gudmestad. Ola fekk skjøte av faren på 10 sp. for 400 rdl. i 1814. I 1833 gav han frå seg 5 sp. til verbroren, Tollak Tollakson. Dei fekk 1 son:

1. Tobias Olson Gudmestad, f. 1-4 1829 (36.).



Tollak Gudmestad.

27. **Tollak Tollakson** var son til Tollak Ellingson Søre-Hetland i Ognå og kona Kirsten Eriksdtr. frå Skretting. Han var f. 11-4 1800, d. 12-6 1881, gift 14-10 1821 med Maren Toresdtr. Gudmestad (23.), f. 22-6 1794, d. 9-6 1862. Tollak var bygningsmann og var byggmeister for mange kyrkjer på Jæren og andre stader. Han var meister for Nærbø kyrkja. I 1833 fekk han kjøpa halve garden av verbroren Ola Toreson for 250 spd. Maren og Tollak fekk 5 barn:

1. Tønnes Gudmestad, f. 27-5 1823 (37.).
2. Berta, f. 8-5 1826, gift 14-11 1850 med Hans Hansson Re.
3. Kirsten, f. 9-5 1829, gift 20-5 1869 med enkjemann Elling Ellingson Risa (Risa 76.).
4. Maria, f. 13-1 1833, gift 3-11 1859 med Bernt Berntson Auglend i Time.
5. Tobias, f. 4-8 1836, gift med Ingeborg Gitlesdtr. Hognestad, f. 11-1 1832. Han var bygningsm. og budde i Stavanger, d. på Hetland Komm.gård 24-6 1899.

28. **Gabriel Toreson Stavnheim** var son til Tore Isakson Stavnheim i Varhaug, og kona, Anna Kirstina Gitlesdtr. frå Årsland (Stavnheim 28. 7.). Han var f. 18-4 1790, d. 1825, gift 24-3 1823 med enkja etter Sivert Mikkelson (20.), Malena Rasmusdtr. Gabriel brukte Gudmestad dei 2 åra han levde etter han var gift. Då han var død, gifta enkja seg med Tore Omundson. Han fekk ein son:

Sivert Gabrielson, f. 17-7 1824, gift 10-4 1849 med Marta Malena Olsdtr. Skretting, f. 1825 (Ola Olson Skretting og Gunhild Gregoriusdtr.). Sivert var ei tid klokkar i Nærbø og budde på Haa. Dei Stavnheim åtte gods på Ueland, og Sivert arva 8 sp. etter faren — som han selde til Torkel Andersson og Ivar Sigbjørnson Ueland i 1851.

29. **Tore Omundson Bø** (Bø 62.), f. 25-11 1798, d. 15-11 1869, gift 1825 med enkja etter Gabriel Toreson, Malena Rasmusdtr. Tore må ha løyst ut alle arvingane til dei 10 sp. i Gudmestad, for i 1841 selde han 5 sp. til styksonen, Tønnes Sivertson. Malena døde 9-3 1864. Dei fekk 5 barn:

1. Omund Toreson Gudmestad, f. 10-10 1826 (38.).
2. Anna Johanna, f. 20-9 1829, d. 2-5 1844.
3. Rasmus, f. 16-3 1832, død same året.
4. Rasmus, f. 30-4 1833, gift 18-3 1858 med Grete Pedersdtr. Risa (Risa 66. 5.). Han var handelsmann i Stavanger (sjå Næsheim 106.).

5. Tore, f. 27-10 1836, gift 12-11 1863 med Herborg Malena Gitlesdr. Njærheim (Njærheim 98.). Han og var handelsmann i Stavanger.

30. Knut Olson Grøtheim (Grøtheim 14.), vart gift 2) 4-7 1824 med enkja etter Ola Olson (24.), Anna Kirstina Svensdr. Han byksla plassen Klubben. Då Anna Kirstina døde i 1834 gifta han seg 3) 3-6 1835 med enkja etter Sven Omundson Gausland, Sissel Olsdr. (Gausland 19.). Denne plassen er kalla Gjærdet, og Sissel døde der 29-11 1846, og Knut 2-5 1850.

31. Lars Pederson, son til 25., f. 27-9 1804, d. 12-9 1831, gift 16-5 1830 med Guri Marta Josefsdr. Ånestad, f. 1803, dotter til Josef Pederson Ånestad og Guri Olsdr. (Ånestad 57. 4.) Lars fekk skjøte på 10 sp. av faren i 1828 for 250 spd. Ved skifte etter Lars 3-4 1832 vart dei 10 sp. utlagt til dottera, Guri, for 450 spd. Desse pengane vart utskift slik:

1. Skifteomkostningar	6 d. 2	ort 14	
2. Berta Jonsdr.	25	3	13
3. Ingeborg Sivertsdr.			
Gudmestad	57	4	2
4. Peder P. Kvalbein	10	0	0
5. Guri Toresdr. Våland	1	2	20
6. Josef Pederson Ånestad	15	0	16
7. enk. Guri Marta Josefsdr.	86	2	0

Lars fekk ei dotter:

Guri Larsdr., f. 7-4 1831, gift 10-11 1853 med Rasmus Jonson Opstad (Opstad 73.).

32. Ola Pederson, bror til Lars, f. 26-4 1818, d. 20-7 1887, gift 28-6 1835 med enkja etter broren, Guri Marta Josefsdr. Ho døde 8-6 1885. Ola kjøpte dei 10 sp. av Rasmus Jonson Opstad i 1854 for 500 spd. Ola var smed og sadelmakar. Dei fekk 8 barn:

- Ingeborg, f. 27-2 1835, gift 11-11 1858 med Hans Olson Lerbrek i Varhaug (Lerbrek 30.).
- Peder Gudmestad, f. 27-2 1835 (43.).
- Marta Dorthea, f. 25-11 1837, d. 18-1 1851.
- Lars Gudmestad, f. 12-11 1839, gift med Johanna Nilsdr. Ektnæside, f. i Eker ved Drammen 1836. Han var klokkar i Nærbø. Seinare Waisenhusforstandar i Kristiansand.
- Jonas, f. 16-10 1841. Han var sjømann og døde i utlandet, ugift.
- Olina, f. 15-7 1845, gift 3-6 1869 med klokkar i Time, Jonas Velleson frå Veen i Bjerkreim.
- Ole Johannes, f. 14-10 1847, gift med

Kristine Serine Pedersen, f. i Stavanger 4-5 1862. — Han var skomakar i Stavanger (i 1881 er han kalla Waisenhusforstander).

8. Grete.

33. Tønnes Sivertson, son til 20., f. 17-5 1823, d. på Lode 20-9 1883, gift 7-12 1843 med Anna Ellingsdr. Opstad, f. 27-11 1822, d. på Lode 11-1 1907 (Opstad 46. 7.). Tønnes kjøpte 5 sp. av stykfare, Tore Omundson, i 1841 for 387 spd., bnr. 3. I 1866 selde han eit stykke av den søre marka til Ola Pederson, som fekk bnr. 4. I 1875 selde han heile bruket til Nils Nilsson og flutte til Lode (61.). Dei fekk 10 barn:

- Malena, f. 22-8 1845, gift 12-4 1864 med Tore Isakson (Lode 66.) Auestad i Varhaug (Auestad 44.).
- Anna, f. 10-1 1847, gift 14-10 1875 med Simon Lode (Lode 65.).
- Sivert Munk, fødd 14-2 1849, død 19-3 1851.
- Anna Tolline, f. 25-1 1851, gift 4-12 1873 med Peder Pederson Lode (Lode 60.).
- Sivert, f. 3-4 1853, gift i Stavanger 11-9 1879 med Helena Serine Torkelsdr. Vigesa, f. i Stavanger 12-4 1842. Sivert var sjømann.
- Anna Taletta, f. 18-6 1855, gift med smed Rasmus Tobias Rasmusson Rugland (Rugland 32. 1.). — Stavanger Skipsophugning.
- Elling, f. 2-12 1857, d. 9-3 1878, ugift. Han var sjømann.
- Govert Lode, f. 3-4 1859, gift 26-1 1882 m. Elen Johannesdr. Bjorheim. Han var bakar.
- Tønnes Lode, f. 31-3 1862.
- Seline Ane Gustine, f. 3-11 1865, d. 20-3 1883.

36. Tobias Olson, son til 26., f. 1-4 1829, d. 7-8 1905, gift 19-3 1851 med Elen Olsdr. Haugland, f. 11-10 1831, d. 20-5 1920, dotter til Ola Helgeson Haugland i Time og kona, Karen Klasdotter. Tobias fekk skjøte på 5 sp. av faren i 1844 for 50 spd. -f følge. Han var ein mykje vyrd mann som hadde mange tillitsombod i bygda. Dei fekk 11 barn:

- Gurina, f. 29-1 1852, gift 12-11 1874 med Ola Jonasson Mauland.
- Ola, f. 6-4 1854, d. 27-10 same året.
- Kaja Maria, f. 15-11 1855, gift 10-4 1878 med Ola Pederson Mossige. Ho døde 25-10 1941.
- Ola Gudmestad, f. 8-10 1858 (48.).
- Ole, f. 28-3 1861, gift 19-3 1889 med

- Olina Pedersdr. Mossige. Budde på Mossige.
6. Tobias, f. 19-4 1864, gift med Oline Nærland (sjå Næsheim 114.).
 7. Elene, f. 1-8 1866, d. 27-1 1867.
 8. Enevald, f. 7-2 1868, d. 22-2 1872.
 9. Enevald, f. 19-4 1872, gift 16-10 1897 med Olina Marie Andreasdr. Øksnevad. Budde på Sandnes, d. 29-3 1952.
 10. Marta Malena, f. 23-4 1874, d. 26-2 1875.
 11. Marta Malena, f. 16-6 1876, gift 26-2 1897 med Kristian Lode. Konduktør. Budde i Stavanger. (Lode 59. 3.)
- Tobias Gudmestad flutte ut frå heimetunet og bygde nye hus nord i marka, der han gjorde eit stort nybrottsarbeid.
37. **Tønnes Tollakson**, son til 27., f. 27-5 1823, d. 11-1 1889, gift 27-5 1851 med Berta Hansdr. Re, f. 22-1 1825, d. 2-1 1894, dotter til Hans Einarson Re og kona, Margreta Toresdr. frå Gudmestad. Dei var syskenbarn. Tønnes fekk skjøte av faren på 5 sp. i 1863 for 400 spd. Han var bygningsmann og heldt fram med kyrkjebygging, fyrst saman med faren og seinare på eiga hand. Ei tid dreiv han bygningsarbeid i Stavanger. Dei fekk 6 barn:
1. Tollef Gudmestad, f. på Re 7-7 1851 (47.).
 2. Margreta, f. i Stavanger 1856, gift 3-9 1879 med Tørres Tobiasson Kvia (Kvia 57.).
 3. Maria, f. i Stavanger 1858, d. 12-8 1864.
 4. Hans Elias, f. på Gudmestad 6-4 1861, gift med Maria Rasmusdotter Malde. Han var sersjant og handelsmann i Stavanger.
 5. Maria, f. 15-1 1865, død ugift.
 6. Berta Maria, f. 23-9 1867, d. 1-12 1872.
38. **Omund Toreson**, son til 29., f. 10-10 1826, d. på Sveine 9-1 1888, gift 8-11 1855 med Elen Svensdr. Skretting, f. 9-2 1835, d. i Time 10-12 1908, dotter til Sven Andersson Skretting og kona Helga Eriksdr. (Skretting 67. 4.). Omund fekk skjøte på 5 sp. av faren i 1851 for 400 spd. + følge. Det var bnr. 2. — I 1874 selde han til Kristian Jespersion og flutte til Sveine (Opstad 83.). Omund og Elen hadde 10 barn:
1. Malena, f. 17-6 1857.
 2. Hanna, f. 12-8 1859, gift 1879 med Kristian Omundson Bråstein, f. 30-1 1855. Han arbeidde på Opstad Teglværk. Dei døde begge i 1881.
 3. Tomine, f. 5-2 1862, d. 12-1 1950, gift med Tønnes Grødeland i Orre.
 4. Tore Gudmestad, f. 10-2 1864, gift med Guri Rasmusdr. Bjørheim. — Budde i Nord Dakota.
 5. Anna Maria Omundsdr., f. 8-9 1866, gift med Peder Pederson Undheim.
 6. Sven Omundson, f. 8-2 1870, død i Amerika.
 7. Elen Omundsdr., f. på Sveine 17-7 1872, gift 1) 20-10 1894 med Martin Eivindson Undheim, død 1901, gift 2) 25-11 1905 med enkjemann Eivind Eivindson Undheim. (Fastabyte.)
 8. Omund Omundson, f. 15-11 1875, d. 14-4 1886.
 9. Theodor Omundson, f. 26-8 1881, d. 1-3 1882.
 - (10.?) Tomine, gift med Tønnesson Horpestad på Grødaland i Klepp.
39. Nils Hansson Skretting (sjå Skretting 83. 2.) var fødd 19-8 1827, død 11-5 1887, gift 4-6 1856 med Rakel Jensdotter Høneland, fødd 28-1 1832, død 15-5 1870 (sjå Ødemotland 12. 3.). Nils byksla plassen Triakanten av Ola Pederson i 1868. Dei fekk 4 barn:
1. Abraham Tobias Nilsson, f. 1858, gift 1872 med Elen Gabrielsdr. Rugland. Budde på Elgane i Varhaug (sjå Skretting 118.).
 2. Inger Judithe Nilstr., f. på Skretting 7-1 1860, gift i Stavanger 24-11 1886 med kjørar Jon Andersson frå Stavanger.
 3. Rakel Nilstr., f. på Høneland 18-4 1864.
 4. Nils Reinert Nilsson Tjemsland, f. 10-5 1870 (sjå Nord-Tjemsland 43.).
40. Nils Nilsson Orstad, son til Nils Osmundson Orstad i Klepp og kona Taletta Tollevsdr. frå Undheim. Nils var fødd i Klepp 21-1 1836, død på Søyland 15-1 1882, gift i Time 25-11 1869 med Ane Margreta Gabrielsdotter Frøyland, fødd i Time 11-4 1837, død på Bø 13-4 1899, — dotter til Gabriel Larsson Frøylands-Brekko og Ingeborg Torgersdotter. Nils kjøpte bnr. 3 på Gudmestad av Tønnes Siverson i 1870 for 800 dalar og følge til kona Anna Ellingsdotter. I 1886 vart denne parten seld på tvangsauksjon, og bakar T. Anda, Nærbø fekk tilslaget for 4200 kroner. Nils budde sidan på Høyland og Søyland, og då han var død, budde enkja i eit lite hus på "Leite" på Bø, der ho døde hjå sonen Enevald Gudmestad. Dette huset står framleis og har vore nytta av ymse folk, sist av skreddar Johan Salte som nå eig det. Nils og Ane Margreta Gudmestad hadde 6 barn:

1. Taletta Olava Gudmestad, f. 28-2 1870, d. 4-9 1951, ugift.
2. Gabriel Gudmestad, f. 1-10 1872, d. på Søyland 24-3 1883.
3. Nils Gudmestad, f. 22-4 1874, d. 26-8 1895.
4. Nikolai Gudmestad, f. 20-5 1876, d. 22-8 1960, gift m. Aagott Sleveland, d. 24-1 1967, 81 år. Han var baneform. ved Flekkefjord.
5. Enevald Gudmestad, f. 10-4 1878 (sjå Skjærpe 46.).
6. Amt Gudmestad, f. 9-3 1881, g. m. Mar-seilla Sigvarda Wiik. Budde i Bergen.

41. **Mathias Halvardson Skau** (Fanta-Mathias?), fekk byksla eit plass på Gudmestad, Litlaberget, av Omund Toreson 1 1864. Han fekk 110 dalar statstilskot, rente og avdragsfritt "indtil videre" til bygging av hus. Mathias var fødd i Høyland kring 1822, gift med Johanna Margreta Andreasdr., fødd i Høyland kring 1822. Dei budde på Gudmestad i 1865 og hadde "understøttelse av Fantafondet". Deira son var Johan Mathiasson Schau, Arne Garborg sin skulekamerat på Vellesen sin "lærarskule" på Bryne — og modell til Fante-Thomas i "Fred" og Carolus Magnus i "Læraren".

42. **Kristian Jespersion Taksdal**, son til Jesper Jespersion Taksdal i Time og Anna Olsdr., f. Netland. Han var fødd 17-4 1837, død på Tjemsland 6-5 1911. Gift 16-6 1870 med Maria Gabrielsdotter Mossige, fødd 25-7 1841, død 18-4 1891, dotter til Gabriel Eivindson Mossige og Berta Eilefsdotter, f. Bore. Kristian kjøpte bnr. 2 på Gudmestad av Omund Toreson i 1874 for 800 dalar. I 1893 selde han til Ola Undheim. Sidan budde han på Nærbo og andre stader. Han var komen til Gudmestad alt i 1871, 6 barn var fødde der:

1. Anna Gudmestad, f. 12-3 1871, d. på Nærbo 30-6 1938, ugift. Ho var mange år ved Nærbo Meieri.
2. Jesper Gudmestad, f. 13-4 1873, reist til Amerika.
3. Gabriel Gudmestad, f. 27-1 1876, d. i Brooklyn 17-12 1960.
4. Berta Sofia Gudmestad, f. 3-8 1878, gift med Mikkel Håland (sjå Nord-Tjemsland, Varhaug 45.).
5. Kristian Gudmestad, f. 5-11 1881, gift med Karoline. Reist til Amerika.
6. Maria Gudmestad, f. 13-8 1884, gift med Erik Siverson Tjemsland (Nord-Tjemsland 38. 7.).

43. **Peder Olson Gudmestad**, son til 32.,

var fødd 27-2 1835, død på Nærbo stasjon 25-12 1919. Gift 1) 27-8 1868 med Grete Torgersdotter Åse, fødd 3-1 1845, død 15-4 1877, gift 2) 6-11 1879 med Berta Elisabet Monsdotter Vig, fødd 1-10 1845, død på Vig. Dei to konene var syskenbarn. Peder Olson fekk skjøte på bnr. 4 av faren i 1882 for 4000 kroner. I 1892 selde han garden til søstersonen, Lars Rasmusson Opstad, og flutte til Nærbo stasjon, der han dreiv som sadelmakar, messingstøypar og tanntrekkjar. Han hadde ei dotter i første gifte:

Marta Gudmestad, f. 5-8 1873. Ho var gift og budde visst i Stavanger.

44. Edvard Severin Toreson Orre, var son til Tore Jonson frå Håland i Randaberg og Marta Svensdotter, f. Vølstad, fødd på Kleppeholen 28-5 1850, død på Orre 1936. Den 8-4 1880 vart han gift med Johanna Jonasdr. Vig, fødd 12-11 1955. Desse folka var komne til Gudmestad i 1880 og flutte til Orre i 1890, dei står som brukarar av 2 mark 38 øre i 1880. Dette var bnr. 3, men i 1886 står Nils Nilsson framleis som brukar der. Edvard Severin var skomakar. 2 barn var fødde på Gudmestad:

1. Jonas, f. 9-10 1881.
2. Maria, f. 22-2 1886.

45. Ola Olson Bø (By-Ola, sjå Bø 78. 6.). Han var fødd 17-3 1831. Gift i Stavanger 23-10 1857 med Gurine Tollefsdotter, f. i Helleland (Bjerkreim) 7-9 1831, truleg den Guri Tollefsdr. Øgard i Bjerkreim, dotter til Tollef Vermundson Lille Birke-land og kona Inger Andersdr. frå Eike-land på heio. Ola Olson kjøpte bnr. 3 av Theodor Anda i 1886. I 1888 selde han til Bertinius Gunderson Kverme. — Ola hadde butt i Stavanger før han kom til Gudmestad, og reiste nok tilbake dit. Han hadde ein son som heitte Ola og var musikar og hadde ei dotter som heitte Teresia og er gift med Sven Stangeland i Stavanger. Andre barn har eg ikkje høyrte gjete.

46. Bertinius Gunderson Kverme hadde butt på Medhodl av Torland (sjå der 76.). Gift med Berta Karina (Kaja), f. 9-7 1856 — dotter til Ola Olson Hårr (Hårr 63. 1.). I 1888 kjøpte han Gudmestad av Ola Olson Bø. Her budde han til han døde 17-5 1909. Han hadde 7 barn:

1. Karen Elisabet, f. 17-11 1876, d. 28-12 1895.
2. Ole Gudmestad, f. på S. Tjemsland 11-2 1880. Reist til USA.

3. Gurine, f. Medhodl 26-6 1883, d. 6-2 1969, gift med Ingvald Østbø, Buøy.
 4. Karl Martin, f. 10-8 1887. Omkom ved "Norges" forlis.
 5. Elen, f. 26-1 1892, gift med Jonas L. Aniksdal (Aniksdal 68.).
 6. Bernhard Gudmestad, f. 7-7 1894, gift med Elisabet Fuglestad.
 7. Karl Elias Gudmestad, f. 22-1 1897, gift med Hilda Sofie Haugland.
47. **Tollef Tønnesson**, son til 37., f. på Re i Time 7-7 1851, d. 25-4 1937, gift i Time 1-4 1887 med Sofie Olsdtr. Tjåland, f. i Time 11-12 1865, d. 13-10 1933, dotter til Ole Andreas Olson Tjåland og kona, Rakel Kristine Ellingsdtr. Tollef tok over bnr. 6 etter faren i 1888. — Dei fekk 10 barn:
1. Berta, f. 16-1 1888, gift 8-4 1911 med Aksel Andersen frå Våle prestegjeld, f. 1891.
 2. Ragna, f. 10-1 1890, gift 30-3 1912 med Johan Anton Svensen frå Våle, f. 1884.
 3. Tønnes Gudmestad, f. 7-12 1891, d. 8-9 1962, gift 10-12 1922 med Karen Serina Lindal, f. 18-2 1898 (Lindal 28. 3.). Dei brukar nå garden (63.).
 4. Ole Gudmestad, f. 29-12 1893, gift 1-7 1922 med Astrid Nærland, f. 3-6 1895 (Nærland 50. 4.). Han har vore vaktmann på Opstad. Bur på Nærbo stasjon.
 5. Sigrid Teresie, f. 3-3 1896, gift 25-7 1920 med Trygve Gudmestad (Næsheim 114. 6.).
 6. Trygve Gudmestad, f. 3-6 1898, gift 1931 med Ragnhild Håland, f. i Varhaug 5-5 1904. Bur på Gudmestad. bnr. 11 (Bratland 30. 2.).
 7. Maria, f. 11-6 1900, gift 7-2 1926 med Kristian Hognestad, fødd 1901. Konduktør.
 8. Olaf Gudmestad, f. 13-12 1902, gift 6-10 1934 med Anna Nathalia Gausland, f. 11-6 1906 (Gausland 38. 1.). Bur på Motland. Han er vaktmann på Opstad.
 9. Torvald Gudmestad, f. 28-6 1905, d. 13-9 1955, gift 27-5 1933 med Berta Jonsdtr. Bekkeheien, fødd 19-3 1904 (Høyland 170.).
 10. Harald Gudmestad, f. 7-9 1907, d. 23-8 1945, gift 6-2 1937 med Aslaug Salte, f. 17-3 1911. Han var vaktmann på Opstad. Budde på Nærbo stasjon.
48. **Ola Tobiasson**, son til 36., f. 8-10 1858, d. 22-7 1916, gift 5-4 1889 med Grete Maria Olsdotter Gausland, f. 28-6 1866 (Gausland 31. 1.). Ola tok over bnr. 5 etter faren i 1892, og like eins som faren var han mykje med i det kommunale styre og stell. Dei fekk 9 barn:
1. Tobias O. Gudmestad, f. 12-1 1890. Brukar garden (65.).
 2. Ole, f. 27-5 1891, d. 22-8 1896.
 3. Elen, f. 20-11 1892, gift 31-11 1912 med Karl Nærland Jakobsen. Snikker og bur i Stavanger.
 4. Olaf Gudmestad, f. 31-12 1894. Gardbrukar på Frøyland i Time.
 5. Kirsten, f. 17-2 1897, gift 13-6 1930 m. Gabriel A. Njølstad (Njølstad 17. 2.).
 6. Ole, f. 5-12 1898, d. 3-1 1899.
 7. Ole Gudmestad, f. 22-7 1900, gift 13-4 1929 med Borghild Andreasdtr. Mauland, f. 10-8 1906. Bur på Gudmestad, bnr. 10 (66.).
 8. Guttorm Gudmestad, f. 2-5 1902, d. 18-9 1961, gift 18-7 1936 med Karen Underhaug, f. 20-12 1903. Fjosmeister på Opstad.
 9. Ragnvald Gudmestad, fødd 19-5 1905. Busett i USA.
50. **Lars Albretson Øglænd** var son til Albret Rasmusson Auglænd i Time og kona, Marta Larsdotter frå Fuglestad i Bjerkreim. Han var f. 8-10 1848, d. 18-6 1919, gift i Klepp 14-4 1874 med Rakel Olsdtr. Næsheim, f. 23-11 1844 (Næsheim 109.). Lars kjøpte plassen Trikanten av Peder Olson i 1888, bnr. 7. Plassen var liten og veglaus, og Lars var det meste ute på jordarbeid hjå andre. I unge år hadde han vore med på ymse anleggsarbeid, m. a. på Jærbanda. Han var ein uvanleg flink songar og forteljar og skronemakar. Lars kjøpte Øglænd var ein sjonert skyttar og skilaupar. — Før han kom til Trikanten hadde han butt på Brathodl under Næsheim, og dei 4 barna var fødde der:
1. Marta, f. 17-12 1874, gift med enkjem. Laurits Fuglestad.
 2. Ole, f. 26-7 1877. Reist til Amerika.
 3. Karen Gurine, f. 7-1 1881, gift 8-4 1902 med Retsius Torgerson (sjå Bø 147.).
 4. Anna, f. 2-1 1884, gift med Ingvald Martinius Sikveland, f. 20-2 1871. — Budde på Undheim.
51. **Sille Maria Olsdtr.** var dotter til Ola Svenson Reime og kona Asselina Olsdtr. (Reime 44. 1.). Ho var gift 8-3 1889 med Stein Tjærandsen Skeie, f. i Vikedal 1869. Han døde snart eller kom bort, og Sille kjøpte Litlaberget på Gudmestad. Budde sidan i eit hus på Bjorland. Ho var f. 18-12 1856 og døde 27-2 1952. Ein son:

Theodor Gudmestad, fødd 1889, død i Amerika.

52. **Lars Rasmusson Opstad**, son til Rasmus Jonson Opstad og kona, Guri Larsdtr. frå Gudmestad (Opstad 73. 7.), f. 26-11 1867, d. 24-1 1961, gift 26-2 1892 med Mine Karlotte Søyland, f. 18-7 1868, d. 28-8 1948 (Søyland 40. 2.). Lars kjøpte bnr. 1 av morbroren, Peder Olson, i 1892. Han gjekk sersjantskulen i ungdomen og gjorde teneste som underoffiser og gjekk av som furer. Lars Opstad var ein dugande bonde. Han var og mykje nytta i kommunale ombod. 12 barn:

1. Rasmus, f. 2-7 1892, d. 1-3 1893.
2. Rasmus, f. 23-11 1893, d. i Amerika.
3. Henrik Opstad, f. 25-11 1894, d. 10-4 1969, gift med Viktoria Fuglestad, f. 12-8 1895. Budde på Fuglestad i Ogna.
4. Lars, f. 11-3 1896, d. 10-2 1903.
5. Kajus Opstad, f. 30-3 1898, gift 1) med Elisabet Svensen, gift 2) med Borghild Øverland. Han er politi i Stavanger.
6. Gudrun Opstad, f. 22-10 1899, d. 12-6 1928.
7. Kirsten Opstad, f. 22-10 1901, d. 14-12 1959. Ho var ved telefonen i Nærbø.
8. Mina Opstad, f. 1-1 1903, gift 19-6 1926 med Olav Andreas Sinnes. Busett i Amerika.
9. Maria Opstad, f. 20-11 1904, d. 16-3 1934.
10. Lars Opstad, f. 29-12 1906, gift 4-10 1941 med Maria Mikalsdtr. Fuglestad i Ogna, f. 16-12 1919. Brukar farsgården.
11. Jens Opstad, f. 29-12 1906, tvilling med Lars, gift 22-5 1946 med Tomine Svendsdtr. Sinnes, f. 1-12 1913. Han brukar farsgården saman med broren Lars.
12. Målfrid Opstad, f. 27-11 1908, d. 18-7 1967, gift 21-6 1936 med dokter Peter Kjos Hansen, Bryne, f. 13-3 1908.

53. **Ola Andresson Undheim**, son til Andres Asbjørnson Undheim og kona Marta Olsdtr. frå Arestad i Time. Han var fødd i Time 26-6 1862, død i Stavanger 7-3 1950. Gift 17-12 1889 med Gjertine Gunnarsdtr. Skjørestad, fødd i Høyland 16-9 1868. Ola hadde butt på Undheim og på Skjørestad då han i 1893 kjøpte bnr. 2 på Gudmestad av Kristian Jespersion. — Sidan budde han eit års tid på Bø, og broren Aren budde på Gudmestad. I 1900 kom han til Gudmestad att og budde der til han i 1902 selde til Ola Eivindson Tunheim. Etter den tid budde han ymse

stader, sist i Stavanger. Han var skomakar og var vanleg kalla "laskaren". Av barna veit eg om desse:

1. Arne Undheim, f. på Undheim 1890. Busett i Alaska.
2. Magda Undheim, f. på Skjørestad 1892, gift med Garman Herikstad. Busett i Amerika.
3. Maria Undheim, f. på Gudmestad 18-3 1895, gift med Karl Øksnevad, f. i Høyland 1886. Bur på Stangeland i Høyland.
4. Gustav Undheim, f. 16-2 1899, gift 1923 med Margit Voll, f. i Klepp 18-3 1901. Han er snikker og busett på Tjensvoll i Hetland.
5. Gudrun Undheim, gift med John Ness i Amerika.

54. **Ola Eivindson Tunheim**, son til Eivind Olson Tunheim frå Mossige og Ane Andersdtr., f. Helland i Time. Han var fødd 13-2 1867, d. 5-4 1907. Gift 15-4 1898 med Elisabet Olava Olsdotter Undheim, f. 25-3 1879, d. 30-6 1924, dotter til Ola Olson Undheim på Tunheim og Karen Severine Berntsdotter, f. Undheim. Ola Eivindson hadde brukt gard på Tunheim då han i 1902 kjøpte bnr. 2 på Gudmestad av Ola Andresson. — Ola og Elisabet Tunheim hadde 4 barn:

1. Eivind Tunheim, f. på Tunheim 27-7 1900 (69.).
2. Ane Tunheim, f. på Gudmestad 18-7 1902, gift med Johan Riskild.
3. Karen Elisabet Tunheim, f. 22-10 1904, gift med Olav Jonasson Undheim. Bur på Undheim.
4. Olav Tunheim, f. 4-9 1906, gift med Inga Svendsdotter Lode (Lode 82. 2.). Bur på Re i Time.

55. **Tønnes Kvia** (sjå Kvia 57. 3.), f. 9-3 1883, d. 22-4 1963. Gift 1) 26-9 1925 med enkja etter Håvar Undem, Berta Rasmusdtr., f. Skjærpe 13-3 1880, død på Tunheim. Gift 2) 1945 med Thea Tjåland, f. 21-2 1897. Tønnes Kvia kjøpte bnr. 3. Han selde Gudmestad til Per Håland, og i 1923 kjøpte han eit bruk på Tunheim i Time, som styksonen, Harald Undem seinare har teke over. Tønnes Kvia hadde ikkje barn.

56. **Per Håland** kjøpte bnr. 3 av Tønnes Kvia, selde til Laurits Hinna og kjøpte bnr. 7 på Kvia i 1919.

57. **Laurits Hinna**, f. i Hetland 1871, d. 21-12 1950. Han kjøpte bnr. 3 av Per Håland. I hans tid brann husa på gar-

den. Då bygde han dei opp att ved den nye hovedvegen. Dette vart ein stor økonomisk påkjenning for han. Og etter ei tid måtte han gå frå garden, som vart seld til

58. **Brørne Odiuf og Bjarne Herigstad** frå Herigstad i Time. Dei brukte garden til 1936. Då selde dei til Nils N. Reime som brukar garden nå. Odiuf gift 1933 med Karen Høien, Voll i Varhaug.

59. Tønnes Tønnesson **Lode** (33. 9.) kjøpte Trikanten.

60. **Johan Mauland** kjøpte Trikanten av Tønnes Lode.

61. **Torolf Boganes**, son til Hans Boganes og kona, Elisabet Tønnesdtr. frå Håland i Varhaug. Han kjøpte Trikanten av Johan Mauland. I 1948 selde han til Odd Risa, som nå er brukar, og reiste til Montana.

62. **Signe Emilie Haugstad**, f. i Flatanger 1885, d. på Gudmestad 17-8 1938, gift 17-5 1913 med Ole Bertinius Olson Haugstad, Varhaug, f. 23-1 1885, d. 1915. Han vart drepen då han var med å reisa ei leidingsmaster som fall over han. Signe kom til Litlaberget på Gudmestad då Bertinius var død. August A. Bø åtte plassen frå 1918. Signe hadde 2 barn:

1. Sigurd Haugstad, f. 18-12 1913, gift 1944 med Aslaug Sletten.
2. Berta Haugstad, f. 10-4 1915, gift med Fredrik Hansen, sjømann.

63. **Tønnes Tollefson**, son til 47., f. 7-12 1891, d. 8-9 1962. Gift 10-12 1922 med Karen Serina Lindal, f. 18-2 1898, d. 16-5 1965 (Lindal 28. 3.). Tønnes tok over bnr. 6 etter faren i 1933. Dei hadde 7 barn:

1. Sofia Gudmestad, f. 27-3 1923, gift m. Joakim Frøyland.
2. Karen Gudmestad, f. 23-9 1924, d. 9-2 1966, gift med Henrik Haugland.
3. Tordis Gudmestad, f. 5-12 1926, gift 1944 m. Bjarne Langeland (sjå Nærbo 184.).
4. Toralf Gudmestad, gift 30-9 1962 med Valborg Svela, f. i Time 16-8 1942. Brukar på Gudmestad.
5. Tollak Gudmestad, — gift med Olga Irene Osaland, Høle.
6. Tom Gudmestad.
7. Kjell Gudmestad, gift 1964 med Aud Elvenes, Tromsø.

64. **Trygve Tollefson**, bror til 63., f. 3-6

1898. Gift 1931 med Ragnhild Håland, f. i Varhaug 5-5 1904 (sjå Bratland, Varh. 30. 2.). Trygve tok over ein part av farsgarden, bnr. 11 Maihaug, i 1931. Barn:

1. Svanhild Gudmestad, f. 2-6 1932, gift 1950 med Ole Aarre, Bryne.
2. Thor Gudmestad, f. 20-1 1937, gift m. Gerny Alise Stokkeland (frå Ogna), f. 23-11 1942. Barn:
 1. Terje, f. 24-7 1960.
 2. Ragnhild, f. 30-7 1963.
 3. Gro, f. 28-5 1966.
 4. Guttorm, f. 21-5 1968.

65. Tobias O. Gudmestad, son til 48., f. 12-1 1890. Han tok over bnr. 5 etter faren i 1925. Han er ugift.

66. Ole O. Gudmestad, bror til 65., f. 22-7 1900. Gift 1929 med Borghild Mauland, fødd i Time 10-8 1906, dotter til Andreas Jonasson Mauland og Maren Nilsdtr., f. Årestad. Ole Gudmestad tok over ein part av farsgarden, Nortun bnr. 10, i 1925. Dei har 5 barn:

1. Ola O. Gudmestad, f. 16-2 1930 (72.).
2. Arvid Gudmestad, f. 9-11 1931, gift 17-8 1957 med Helga Rimestad, f. 7-9 1934 (Rimestad 76. 4.).
3. Gaute Gudmestad, f. 15-3 1934.
4. Greta Gudmestad, f. 27-2 1937, gift 23-3 1968 med Kåre Moi.
5. Magne Gudmestad, f. 29-11 1942, gift 1967 m. Svanlaug Gudmestad (Skjærpe 56. 5.).

67. Lars Larsson Opstad, son til 52., fødd 29-12 1906. Gift 4-10 1941 med Maria Fuglestad, fødd i Ogna 16-12 1919, dotter til Mikal Kristoferson Fuglestad i Ogna og Oline Elisabet Andersdotter. Lars tok over bnr. 2 etter faren saman med broren Jens i 1938. — Barn:

1. Lars L. Opstad, f. 30-10 1941.
2. Magne Opstad, f. 25-10 1943, gift 1962 med Olaug Tjøtta, Klepp.
3. Marit Opstad, f. 27-9 1945, gift 1967 med Marton Møgedal.
4. Oddvar Opstad, f. 14-7 1951.
5. Gunnar Opstad, f. 8-1 1953.

68. Jens Larsson Opstad, bror til 67., f. 29-12 1906. Gift med Tomine Vik, f. i Sirdal 1-2 1913. Jens tok over bnr. 1 etter faren saman med broren Lars i 1938. I 1955 vart garden skift millom dei, og Jens fekk den nye parten, Spodgren bnr. 12. — Barn:

1. Målfrid Opstad, f. 16-3 1948.
2. Jorunn Opstad, f. 18-6 1949.
3. Gudrun Opstad, f. 19-7 1950.

4. Lars Opstad, f. 14-10 1952.
5. Sven Opstad, f. 26-12 1953.
6. Randi Opstad, f. 23-12 1955.

69. Eivind Tunheim, son til 54., fødd på Tunheim 27-7 1900. Gift 1939 med Ragnhild Klausdtr. Bjordal, fødd i Bjerkreim 14-11 1914, dotter til Klaus og Ingeborg Bjordal. Eivind tok over bnr. 2 etter mora i 1924. Barn:

1. Kurt Tunheim, f. 7-2 1942.
2. Elisabet Tunheim, f. 26-2 1946.
3. Reidun Tunheim, f. 12-11 1948.

70. Nils Reime (sjå Reime 59. 3.), fødd 26-2 1908. Gift 1934 med Tora Håland,

fødd 29-11 1908 (store Håland 32. 6.). Nils Reime kjøpte bnr. 9 og 3 av brørne Herikstad i 1936. Barn:

1. Gunvor Reime, f. 2-7 1935, gift 1958 med Jon Storli, Seljord.
2. Njål Reime, fødd 7-3 1937, — gift 6-8 1960 med Aslaug Ågedal, fødd i Kvinesdal.

71. Odd Risa (Risa 99. 11.), f. 10-1 1920, gift 1947 med Jorunn Omundsdr. Haugland, fødd i Time 4-3 1925. Han kjøpte Trikantent, bnr. 3 i 1948 av Torolv Boganes. Barn:

1. Olaf Risa, f. 16-4 1948.
2. Erna Risa, f. 8-7 1950.

G.nr. 29. Gausland

Om gardsnamnet Gausland seier O. Rygh i "Norske Gaardsnavne" at det truleg kjem av Gaus, gøysa, strømme frem med volsomhed. Korleis det kan høve her veit eg ikkje. Der måtte i såfall vera eller ha vore ei gøysa eller strøymande oppkome eller bekk. Gausland hadde ei korn landskuld på 18 spand i 1723. Alt låg under Bø prestebol. Jorda er grusblanda leirjord. Gausland skifter med Gudmestad og Njølstad i vest, i nord med Garborg i Time og i aust med Risa.

NAMNEREGISTER

1. Anders Gusseland
2. Olluff Gusseland
3. Rasmus Olson
4. Sven Svenson
5. Torstein Olson
- 5B. Torkel Mikkelson
- 5C. Tjærand Gjertson
6. Ole (Gjertson?)
7. Reiar Salveson
8. Bård Rasmusson
9. Erik Hansson
10. Tore Olson Gudmestad
11. Salomon Reiarson
12. Ingebret Hansson Risa
13. Ola Olson Bø
14. Tolleiv Ørjanson
15. Tore Osmundson
16. Jon Tolleivson Brattebø
17. Tore Olson Gausland
18. Sven Eivindson Tjensvoll
19. Sven Omundson Skoreberg
20. Sven Kristianson
21. Gabriel Rasmusson Skoreberg
22. Ingebret Olson Mauland
23. Sigvard Sand
24. Ester Svendsdotter
25. Ola Bårdson Herikstad
26. Nils Nilsson Herikstad
27. Endre Svenson Gausland
28. Helge Bårdson Haraldseid
29. Gabriel Torjhsson
30. Torger Knutson Skårland
31. Ola Ingebretson
32. Johannes Olson Salte
33. Enevald Halvardson Berland
34. Ola Jakobson Årdal og Kristian Risa
34. Abigal Nilsdr. Eikeland
35. Kristian Torgerson
36. Tobias Tørresson Undheim
37. Ingebret Olson
38. Ole Johannesson
39. Ingebret I. O. Gausland
40. Karl I. O. Gausland
41. Johannes O. Gausland

1. **Anders Gusseland** er nemnd i 1602.

2. **Olluff Gusseland** skatta 5 dalar i 1603 og 10 dalar i 1610 og 1613. Han gav 4 spand leidang i 1624. 3 barn er nemnde:

1. Rasmus Gausland (3.).
2. Torstein Gausland (4.).
3. Anna Olsdr., gift med Paul Gunbjørnson Grødaland (sjå der 8.).

3. **Rasmus Olsson Gausland** er nemnd 1645 og 1665. Fødd kring 1605, død 1670. Gift 1) med (Ranveig?), gift 2) med Anna Olsdotter, som der var skifte etter 23-12 1668. Han hadde visst 3 barn i første gifte og 4 i andre:

1. Åsmund Rasmusson.
2. Peder Rasmusson, fødd 1659, død før 1668.
3. Barbro Rasmusdr. (kanskje gift med Ola Gjertson?, nr. 6).
4. Samuel Rasmusson, f. 1661.
5. Ranveig Rasmusdr.
6. Signy Rasmusdr.
7. Sissel Rasmusdr.
- (8.?) Tore Rasmusson Gausland, — var stemnd for "leiermål" med Marit Olsdr. Bjørneholen i 1707. Han er ikkje

nemnd i skifte etter Rasmus Gausland, og var nok ikkje hans son.

4. **Sven Svenson Gausland** er nemnd i 1666. Den 14-3 det året hadde Rasmus Gausland stemnt han for Retten, for "noget lidet korn hand haffuer misthagen ifra hannem". — Lensmannen, Nils Obrestad møtte på vegne av Sven Svenson og betalte 1 dalar for han, "eftersom hand er forarmet". Denne Sven har truleg vore ein husmann eller ein lauskar.

5. **Torstein Olson Gausland**, son til 2., var fødd kring 1607, og der var skifte etter han 3-2 1672. Han var gift med Siri Josefsdotter. (Mon dotter til Josef Olson Lende i Time og søster eller halv-søster til Peder Josefsen Bø?) Torstein Olson brukte 9 spand i 1665. Skiftet etter han er ført så ugredt at det er mest uråd å finne greide på kven barna var. Alt som står om kona og barna er "enken2 dreng og 4 piger - - -" Men gjennom mange funderingar og ved hjelp av andre skifte er me komne til fylgjande resultat:

1. Josef Torstenson Fotland, fødd 1654. Budde på Fotland i Time og var kanskje gift med Berit Halvardsdr.
2. Ola Torstenson Njølstad (Njølstad 6.).
3. Halvard Torstenson, f. 1658, død før 1672.
4. Anna Torstensdotter var i Holland i 1693, død før 1711.
5. Ranveig Torstensdr., død før 1693, ho hadde vore gift med ein Arnbjørn i Stavanger.
6. Sissel Torstensdr., gift med Mikkel Mikkelsen Frøyland. — Deira son var Mikkel Mikkelsen Grøtheim (sjå der 9.). Ho heitte Fotland i 1686. (Sjå Tingbok II side 57.)
7. Marit Torstensdotter, gift med Reiar Salveson Gausland (7.).

5B. **Torkel Mikkelsen** var son til Mikkel Rasmusson Frøyland i Time og bror til Mikkel Mikkelsen (sjå ovanfor 5. 6.). Han var fødd kring 1653, skifte etter han 22-5 1693. Gift med enkja etetr Torstein Olson, Siri Josefsdotter, som døydde samstundes med Torkel. — Dei hadde ikkje barn.

5C. **Tjærand Gjertson Gausland** — var stemnt for leiermål med Aasa Søffrensdotter i 1673, "som han nu for Retten vedgich at skulle ægte". Eg trur ikkje at han brukte gard på Gausland.

6. **Ola (Gjertson?) Gausland** — var på Gausland i 1701 og var då til huse hjå Bård Rasmusson. Truleg var det han som var kalla svoger til Rasmus Olson sine barn i 1670. Han var fødd kring 1630 og truleg gift med Barbro Rasmusdotter Gausland (3. 3.). Det er uvisst kvar han var frå, kanskje var han bror til 5C. Han har vel teke over etter Rasmus Olson som vart avretta for manndrap i 1670. Der er nemnde 2 barn:

1. Rasmus Olson, f. 1677, tente hjå sorenskrivaren Michel Gundersen i 1701. Tru om han kunne vore den same som Rasmus Lindal? Nei han var nok ikkje det.
2. Ola Olson, fødd kring 1679. Han tente på Opstad i 1701.

7. **Reiar Salveson Sandsmark** byksla 9 spand i Gausland av presten Peder Leganger i 1693. (Sjå Tingbok III side 147.) Han var syskenbarn til Mathias Tolleivson Rødland. Fødd kring 1660, død 1735, skifte eter han 13-12 det året. Gift 1) med Marit Torsteinsdotter Gausland (5. 7.) som døde kring 1707. Gift 2) med Astrid Eilevsdotter Kvia (sjå der 16. 1.). Reiar Salveson tok over 9 spand etter Torkel Mikkelsen, då han døde i 1693. Den 1-12 1700 hadde Rasmus Mossige stemnt Reiar Gausland for han skulle ha teke 14 spand taknæver på Sandnes som Rasmus åtte. Reiar vart dømd å levera frå seg næveren til Rasmus Mossige og betala saksomkostninga. (Tingbok II side 161.) — 15-7 1710 hadde Ola Njølstad stemnt Reiar Gausland for arv (ei ku) som syster hans, Anna Torstensdotter Gausland, som då var i Holland, åtte, og som Ola Njølstad var ombudsmann for. (Sjå Tingbok II side 291.) — Reiar Gausland hadde 3 barn i første gifte og 8 i andre:

1. Torkel Reiarson Erga, f. 1694, gift 18-10 1722 med Anna Eilevsdr. Erga i Klepp.
2. Siri Reiarson, f. 1698, gift 1) med Gunnar Asbjørnson Bø, gift 2) med Eivind Eivindson Bø (sjå Bø 50. og 51.).
3. Torsten Reiarson Odland, f. 1706 (sjå Odland, Varhaug 30.).
4. Marit Reiarson, f. 1710, gift med Ingebret Hansson (12.).
5. Ola Reiarson Skrudland, f. 1713, gift med Malena Svendsdotter Skrudland. Budde på Skrudland i Time, seinare i Stavanger.
6. Johanna Reiarson, f. 1715, gift med Nils Pederson Hauge, Klepp.

7. Salomon Reiarson, f. 1717 (11.).
8. Ola Reiarson Opstad, f. 1719 (Opstad 36.).
9. Astrid Reiarstr., f. 1721, d. 1757, ugift.
10. Lars Reiarson Auestad, f. 1723 (sjå Auestad, Varhaug 23.).
11. Eilev Reiarson Gausland, f. 1732 (sjå 11.).

8. Bård Rasmusson Ueland var son til Rasmus Pederson Ueland i Varhaug og kona Kari Olsdr. (sjå Ueland 7. 8.). Han var fødd kring 1662, død 1738, skifte 9-12 det året. Gift 1) med Marit Knutsdotter Garborg, dotter til Knut Olson Garborg og kona Aasa Børildsdr., gift 2) med Guri Olsdotter Nærland, som der var skifte etter 2-10 1727 (Nærland 12. 2.). Bård Rasmusson brukte dei 9 spand etter Ola Gjertson frå 1697. Han hadde 1 barn i første gifte og 5 i andre:

1. Herborg, gift med Erik Hansson (9.).
2. Marit, gift med Ivar Erikson Bjorland (sjå Næsheim 51.).
3. Anna, f. 1707, d. på Nærland 22-12 1793, ugift.
4. Eldrid, f. 1712, gift med Elling Olson Voll, Varhaug (sjå der 25.).
5. Johannes, f. 1721, d. før 1741.
6. Bård Bårdson Friestad, f. 1724, gift 1) med Karen Omundsdr. Friestad, gift 2) med Ingeborg Jonsdotter Revheim (Friestad, Klepp).

9. Erik **Hansson Håland** (sjå Låge Håland 6. 1.), fødd kring 1698, skifte 7-4 1747, gift 1) med Herborg Bårdsdr. (8. 1.), som der var skifte etter 15-12 1742, gift 2) med Anna Pedersdr. Voll, fødd kring 1718, dotter til Peder Rasmusson Voll i Varhaug og Anna Larsdr. frå Obrestad (sjå Voll 20. 3.). Erik tok over dei 9 sp. etter Bård Rasmusson kring 1735. Han hadde 4 barn i første gifte og 2 i andre:

1. Guri, f. 1728, gift med enkjemann Ola Toreson Gudmestad (Gudmestad 18.).
2. Ingeborg, f. 1732.
3. Anna, f. 1734, gift med Elling Johanneson Tunheim, Time.
4. Kari, f. 1737, d. som enkje på Lindal 1-8 1818, — hadde vore gift med Stig Olson Lindal (sjå der 11.).
5. Herborg, f. 1745, d. 1748.
6. Anna d. y., fødd 1747, gift med Ola Olson (13.).

10. Tore Olson Gudmestad (Gudmestad 13.6.), fødd kring 1714, skifte 19-6 1771, gift med enkja etter Erik Hansson, Anna Pedersdr. Tore tok over bykselen av dei

9 spand etter Erik Hansson i 1747. Han hadde ikkje barn.

11. Salomon Reiarson Gausland, son til 7., fødd kring 1717, hadde teke over dei 9 sp. etter mora i 1750, truleg saman med broren Eilev. Ingen av dei var gifte. Salomon døde kring 1765 og Eilev i 1772.

12. Ingebret Hansson Risa (Risa 46. 1.), fødd kring 1736, gift 1) m. Marit Reiarstr. Gausland, fødd kring 1710, skifte 19-6 1776 (7. 4.), gift 2) med Anna Johannesdotter Garborg, f. 1846, dotter til Johannes Rasmusson Garborg og kona Berta Larsdr. Ingebret byksla 9 sp. av Bendix Djurhuus i 1764 etter Salomon og Eileiv Reiarson. Anna Johannesdotter døde 10-6 1803 og Ingebret døde 15-6 1817. Han hadde 2 døtre i andre gifte:

1. Marta, f. 1778, gift m. Tore Osmundson (15.), gift 2) m Jon Tolleivson (16.).
2. Berta, f. 1780, d. 16-8 1799.

13. Ola Olson Bø (sjå Bø 45. 5.), fødd kring 1738, død på Grøtheim 22-8 1827. Eg er ikkje viss om at det er rett, men kan ikkje finne noko annor løysing på kven han kunne vore. Han byksla 9 sp. av Niels Grøver i 1775 etter Tore Olson som nok var morbror hans. Gift med Tore si stykdotter, Anna Eriksdr. (9. 6.), fødd kring 1747, d. 3-12 1820. Dei hadde 5 barn:

1. Tore Olson Gausland, f. 1774 (17.).
2. Malena, f. 1777, gift med Sven Eivindson (18.).
3. Anna, f. 1780.
4. Berta, f. 1784.
5. Ester, f. 1-1 1788, d. 2-4 1800.

14. Tolleiv Ørjanson Vetteland (sjå Risa 45.). Han var husmann på Skoreberg under Gausland då han døde i 1771. Kona hans heitte då Eli Stigsdotter. Han var vel morbror til Jens Hanson Vetteland i Ognå som hadde butt på Lindal og døde på Skoreberg i 1798 (sjå Lindal 9.).

15. Tore Osmundson Garborg var son til Osmund Olson Garborg i Time og kona Ingeborg Toresdr. frå Tunheim. Han var fødd i 1775, død som soldat i Kristiansand av brysttæring og hoste etter 14 dagars sengelega, den 7-6 1809. Han var gift i 1803 med Marta Ingebretsdotter Gausland, fødd 1778. Tore fekk byksla 9 spand i Gausland av Kastrup på Haa etter verfare, Ingebret Hansson (12.), i 1803. Han fekk 2 barn:

1. Ingebret Toreson, f. 30-8 1804, gift i

Stavanger 21-1 1838 med Adlau (Aslaug) Rolleivsdtr. Haukaliøsen i Forsand. Budde på Kristianlyst i 1839.

2. Ingeborg Toresdtr., f. 9-11 1806, d. 19-4 1809.

16. Jon Tolleivson Brattebø var son til Tolleiv Jonson Brattebø i Bjerkreim og kona Anna Aslaksdotter frå Kvitlen. Han var fødd på Ausdal (?) 13-4 1788. I 1801 budde han saman med mora, som var enkje, og broren Aslak, på Helland i Time. Den 29-10 1809 vart han gift med enkja etter Tore Osmundson, Marta Ingebretsdotter. Same året byksla han dei 9 spand etter Tore Osmundson av Kastrup. Han budde framleis på Gausland i 1812, men var bortreist før 1815. Sidan veit eg ikkje om han. Marta hadde følge av Anders Tørreson, og levde i 1821. Dei hadde 2 barn som var fødd på Gausland:

1. Taletta Jonsdtr., f. 7-11 1810, gift 1840 med Jonas Tormodson Vetteland i Stavanger.
2. Anna Jonsdtr., f. 3-6 1812.

17. Tore Olson Gausland, son til 13. Fødd kring 1774, død 15-9 1808. Gift med Berta Malena Gunnarsdotter Re, fødd 1781. Ho var sonedotter til Eivind Eivindson Bø og Siri Reiarsdtr. Gausland (sjå 7. 2.). Tore var sersjant. Han brukte vel dei 9 spand etter faren. Berta Malena gifta seg 2) med enkjem. Lars Rasmusson Vignæs frå Finnøy som budde i Stavanger. Tore Olson hadde 2 barn:

1. Berta Toresdtr., f. 1803, gift i Stavanger 11-4 1834 med Jonas Pederson frå Ægro i Ognå, — deira dotter, Marta Malena, gift med Tønnes Larsson Lode (sjå Lode 45. 3.).
2. Anna Toresdtr., f. 1806, gift i Stavanger 9-12 1825 med Knut Knutson Stangeland i Klepp, sjømann og budde i Dusavika.

18. Sven Eivindson Tjensvoll, son til Eivind Nilsson Tjensvoll i Time og kona Maren Gunnarsdotter frå Håland (Låge Håland 9. 1.). Han var fødd i 1783, død på Grøtheim. Gift 1809 med Malena Olsdtr. Gausland (13. 2.), fødd 1777. Sven byksla dei 9 spand etter Tore Olson av Kastrup i 1809. — I 1824 flutte han til Grøtheim (sjå der 15.). Dei hadde 4 barn:

1. Anna Svensdtr., f. 29-12 1809.
2. Eivind Svenson, f. 30-8 1812.
3. Anna Maria Svensdtr., fødd 26-7 1815 (kanskje død som enkje på Øglænd i Hetland 9-6 1894?).
4. Elen Olina Svensdtr., f. 14-6 1818, gift

med Ingebret Toreson Grøtheim (sjå Grøtheim 16.).

19. Sven Omundson Skoreberg var son til Omund Svenson Rongen under Djøseland i Varhaug og kona Berta Rasmusdtr. (sjå der 17. 1.). Han var fødd kring 1754, død 1821, gift 1) med enkja Berit Hansdotter som døde 24-4 1802, 80 år gamal. Det er uvisst kven ho var og kven ho hadde vore gift med før ho vart gift med Sven Omundson. Men skal eg gissa på nokon, så må det vera på syster til Jens Hansson Vetteland på Lindal og seinare Skoreberg (sjå Lindal 9. og Gausland 14.). Denne Berit Hansdtr., var f. i Ognå 1724 og gift med Asser Omundson frå Buerskog i Ognå som budde på Hetlura under Odland i Varhaug. — Nei det var nok ikkje ho, for ho døde på Odland i 1788. — 13 Trinitatis 1802 gifta Sven seg att med Sissel Olsdtr. Skrettingland, fødd kring 1770, dotter til Ola Olson Skrettingland i Varhaug og kona Ingeborg Gjermundsdtr. (Skrettingland 12. 2.). Sissel vart seinare gift med Knut Olson (Gudmestad 30.). Sven Skoreberg av Haa hadde ein son: Sven, til dåpen i Time kyrkja i 1770. Om dette var Sven Omundson, må han ha kome til Skoreberg etter Tolleiv Ørjanson. — Av andre gifte kjenner me 2 barn:

1. Ole Johannes, f. 15-3 1803.
2. Omund Svenson, fødd 4-10 1805 (sjå Skjærpe 22. og Torland 57.).

20. Sven Kristianson (Lindal 17.), byksla 9 sp. av Kastrup i eller kring 1814 etter Jon Tolleivson. — I 1820 byksla Anders Tørreson Hauge i Klepp denne parten, og han skulle då gi oppsett til (Jon Tolleivson si kona, Marta Ingebretsdtr.). I 1821 byksla Sven Kristianson att dei 9 sp. så Anders Hauge har vel aldri flutt til. I 1847 fekk Sven kongeskjøte på 9 sp. i Gausland for 400 spd. I 1853 vart han gjord umyndig grunna på alderdom og åndsvakhed. Han var f. på Eidland i Gjesdal i 1774, gift 19-12 1801 med Torgjerd Endresdtr. Sikveland, f. 1782, d. 14-3 1865, Sven var død før 1865, men er ikkje å finne i kyrkjeboka. Me veit om 10 barn:

1. Karen, f. 1801, gift 31-5 1829 med Elling Kjetelson Sikveland i Time.
2. Valborg, f. 1804, gift 20-3 1833 med Ola Bårdson (25.).
3. Kristian, fødd 3-8 1806, vart gjord umyndig som sinnsjuk i 1848, gjord myndig att i 1856, og umyndig i 1861, budde då i Stavanger.

4. Nils, f. 9-8 1808, d. 29-11 s. å.
 5. Nikoline, f. 9-9 1810, gift med Sigvard Sand (23.).
 6. Maren Elisabet, f. 29-11 1812, gift med Aslak Erikson Gimra (sjå Risa 72 og Søyland 28.).
 7. Endre Gausland, f. 31-7 1815 (27.).
 8. Nils Gausland, f. 17-2 1818. Han var målar. Ein gong han måla i Time kyrkja måla han Den Vonde på preikestolen. Ei stund etter brann kyrkja.
 9. Ester, f. 21-2 1820, gift med Olaus Olson (24.).
 10. Mette Tabitta, f. 12-5 1823.
 - ? Ei Elen Svensdotter Gausland døde 13-6 1817, 5 år gamal.
 - ? Eit fattiglem, Marta Svensdtr. Gausland, døde på Grødem i Randeberg 11-4 1898.
21. Gabriel Rasmusson Skoreberg var son til Rasmus Olson Torland i Stavanger og kona Barbro Gitlesdtr. (Torland 36. 2.), f. i Stavanger 1791, gift 15-12 1816 med Anna Olsdtr. Gudmestad, f. 1780 (Gudmestad 19. 4.). Han var komen til Berget i 1819. Me veit om ein son:
1. Ola Gabrielson, f. 14-3 1819 (Bjorhaug 13.).
22. Ingebret Olson Mauland var son til Ola Ingebretson Mauland i Time og første kona Ragnhild Jonsdtr. Han var f. 10-1 1802, d. 26-4 1871, gift i Time 9-6 1824 med Guri Tolleivsdtr. Arrestad, f. 9-3 1806, d. 9-2 1897, dotter til Tolleiv Olson Arrestad i Time og kona Marta Svensdtr. Ingebret byksla 9 sp. av Kastrup i 1824 etter Sven Eivindson. I 1844 fekk han kongeskjøte på dei 9 sp. for 300 spd. I 1851 gav han følge til gjenta Elen Kirstine Assersdotter for 220 spd. Ho var gamal og krank og kunne ikkje sjølv vera tilstades, men Ola Gudmestad møtte for henne. Eg veit ikkje kven ho var. I 1852 kjøpte Ingebret Gausland ei kvernhus-tuft med vassrett i Smedebekken av Ola Tjølson Njølstad. — Ingebret og Guri Gausland fekk 9 barn:
1. Ola Ingebretson Gausland, fødd 14-6 1826 (31.).
 2. Ragnhild, f. 8-8 1829, gift 4-4 1850 med Sven Olson Håland (Låge Håland 12.).
 3. Tolleiv, f. 30-5 1832, gift 1) 3-4 1873 med Elen Eriksdtr. Hærem, gift 2) 16-12 1881 med Grete Maria Abrahamsdotter Malde. Budde på Lura i Høyland.
 4. Maria, f. 9-9 1835, gift 16-5 1859 med Ola Hansson Vestly.
5. Ingebret Ingebretson, fødd 25-10 1838 (sjå Torland 68.).
6. Gurina, f. 25-8 1841, d. 14-5 1842.
 7. Gabriel, f. 11-7 1843.
 8. Jonas, f. 27-4 1847, d. 28-4 1848.
 9. Jonas, f. 21-2 1851, gift med Sanna Gabrielsen. Han var handelsmann i Stavanger.
23. Sigvard Sand var frå Kongsberg. Han var fødd kring 1813, gift 18-6 1847 med Nikolina Svensdtr. Gausland (20. 5.), f. 9-9 1810. Han kjøpte halve bruket, 4y2 spand av Sven Kristianson i 1847 for 200 spd. + halv følge til selgjaren og kona Torgjerd Endresdtr. Han pantsatte garden til O. Chr. Sand for 1150 spd. Denne parten var det seinare bnr. 6. Sigvard Sand høvde visst lite til bonde på Jæren. Han slo seg ut på handel og brennevinsbrenning. Jorda skytta han lite om. I 1861 ser me at han pakta bort garden til Jesper Erikson Fosse. — I 1865 står Helge Bårdson som brukar av heile bruket og Elling Sikveland som eigar. Etter den tid er ikkje Sand nemnd på Gausland. Han dreiv visst seinare handel i Stavanger. Sigvard Sand med kona Nikolina og dei 2 minste barna budde hjå Sven Ingebretson Mossige i 1865. Han hadde 5 barn på Gausland:
1. Sven Otto Julius, f. 23-6 1846, d. 29-6 same året.
 2. Hans Olaus Julius, f. 9-1 1849, d. 13-5 same året.
 3. Kristine Olea Julius, f. 12-5 1850.
 4. Hansine Kaja Marie, f. 31-3 1852.
 5. Hans Laurits, f. 12-1 1855.
24. Ester Svensdtr. Gausland, dotter til 20., f. 21-2 1820, gift 18-12 1856 med Olaus Olson frå Malmö i Sverige. Ester kjøpte den andre halve parten, bnr. 5, av faren i 1847 for 200 spd. + halv følge til foreldra. Dei fekk ikkje barn. Men Ester hadde 3 uekte barn:
1. Inger Susanna Svensdtr., f. 8-1 1842 (far: Sven Pederson Dreyer i Stavanger), gift med Helge Bårdson (28.).
 2. Sven Olson, fødd 10-3 1848 (far: Ola Torstenson i Stavanger).
 3. Nils Olaus Olson, f. 4-7 1850 (far: Ola Olson Lindal), gift i Stavanger 6-8 1879 med Karoline Amalie Riise, f. i Stavanger 29-12 1853.
25. Ola Bårdson Herikstad var son til Bård Pederson Herikstad i Time og kona Siri Olsdtr. Han var fødd i Time 1802, gift 28-3 1833 med Valborg Svensdotter Gausland, fødd 1804 (20. 2.). Ola Bårdson

kjøpte bnr. 6 av Sigvard Sand i 1857 for 1100 dalar + følge til Sven Kristianson og kona. Han var ikkje lenge på Gausland, og garden må ha gått tilbake til Sand. Ei dotter var fødd på Gausland: 1. Severine Olsdtr., f. 18-4 1835.

26. Nils Nilsson Herikstad var son til Nils Tollakson Herikstad i Time og kona Marta Sørensdtr. Han var fødd 24-1 1818. I 1851 kjøpte han bnr. 5 av Ester Gausland på tvangsauksjon. — Han var gift med Sisilie Torkelsdotter Braut, f. 25-1 1818. Heller ikkje han vart verande lenge på Gausland, og truleg har bruket gått tilbake til Ester. I 1856 kjøpte Nils Nilsson ein part i Skjærpe (sjå der 26.). — Nils Nilsson hadde 4 barn fødde på Gausland:

1. Tobias Nilsson, f. 24-8 1851, gift 1881 med Nille Johannesdotter Orre. Budde på Orre i Klepp.
2. Karl Nilsson, f. 4-4 1853, gift i Stavanger 28-9 1884 med Marta Kristine Nordnes, f. i Jelsa 4-9 1848.
3. Tabitta Nilsdtr., f. 18-12 1854, gift i Stavanger 1-8 1877 med bakar Lars P. Lode, f. 10-8 1858.
4. Johan Nilsson, fødd på Skjærpe 28-12 1856.

27. Endre Svenson Gausland, son til 20., var fødd 31-7 1815, gift med Karoline Rasmusdotter Øksnevad, f. i Klepp 27-10 1828, d. 18-3 1873. Om henne står i kyrkjeboka: "hun løb halvforstyrret hjemmefra den 18-1 1874, og var seet på Norem men er siden ikke seet før nu, da hun fandtes døf i Frøylandsvandet". Eg trur ikkje at Endre brukte Gausland, men han budde der vel ei tid, for dei 4 barna var fødde der. Sidan budde han ei tid som husmann på Bø (sjå der 108.). Han var ikkje normal korkje lekamleg eller åndeleg. Barna var:

1. Kansada Sankine Nathalia, f. 1860, gift i Stavanger 30-1 1884 med sjømann Kristian Olson Høyland (Høyland 79. 7.).
2. Samson, f. 3-10 1863. Reist til Amerika.
3. Elen Kirstine Regine, f. 5-3 1866, d. 28-10 1878.
4. Nils Kristian Enevald, f. 21-2 1869. I Amerika.

28. Helge Bårdson Haraldseid, f. i Skjold kring 1837, gift 30-12 1863 med Inger Susanna Svensdtr. (24. 1.), f. 8-1 1842. Helge kjøpte bnr. 5 av Ester i 1863 for 300 spd. + følge. I 1865 kjøpte Sven Olson og Olaus Olson bruket av Helge for 650 spd. + følge til Torgjerd Endresdtr.

og Ester Svensdtr. Ester skulle ha rett å "bestyre" garden så lenge ho fann for godt. Det hadde gått ut med Helge, og der hadde vore "arestforretning" hjå han i 1865 for skuld til Sigvard Sand 1016 dalar 106 skilling. Det vart gjeve utlegg i bnr. 6 for 800 spd. og i bnr. 5 for 500 spd. og i lausøyra for 166 spd. 96 skill. Olaus Olson var Sven Olson sin stykfar. Dei var smedar, og i 1867 vart skreve ei lånekontrakt millom dei, på svensk, Olaus skulle låne smedeverkty av Sven, og innbu og lausøyre, mot 4 spd. årleg. Eg veit ikkje kvar det sidan vart av Helge Bårdson. Ein son var f. på Gausland:

Sven Bertinius, f. 17-3 1864.

29. Gabriel Torjussou (sjå Næsheim 88. og Kvia 45.), byksla Skoreberg av dei Gausland i 1854. Han døde der 14-11 1882.

30. Torger Knutson Skårland var son til Knut Torgerson Skårland i Time og kona Inger Tolleivsdtr. frå Undheim. Han var f. 20-2 1813, d. 4-6 1881, gift 1) 18-6 1840 med Marta Pedersdtr. Undheim, f. 3-9 1817, dotter til Peder Olson Store Undheim og kona Gunhild Reiarisdtr., gift 2) 16-11 1848 med Akseliana Larsdtr. Mossige, f. 23-8 1823, d. 11-1 1885, dotter til Lars Halvardson Mossige og kona Guri Kristine Larsdtr. Torger hadde butt på Arrestad i Time. I 1867 kjøpte han bnr. 5 på tvangsauksjon etter Helge Bårdson for 880 spd. Han hadde 7 barn i andre gifte som alle var fødde i Time:

1. Kristian Gausland, f. 12-7 1849 (35.).
2. Lukas Gausland, f. 11-1 1851.
3. Marta Maria, f. 31-12 1854.
4. Peder, f. 28-12 1852, sjømann, gift i Stavanger 7-3 1878 med Malena Jakobsen Nordbø, Stavanger, f. 1850.
5. Karl, f. 27-1 1858.
6. Tønnes, f. 26-10 1860. Reist til Amerika.
7. Ane, f. 5-4 1863, d. på Dale sjukehus 12-6 1918.

31. Ola Ingebretson Gausland, son til 22., f. 14-6 1826, d. 11-3 1898, gift 16-6 1864 med Kirsten Reiarisdtr. Norheim, fødd i Time 20-7 1839, d. 15-11 1883, dotter til Reiar Torkelson Norheim i Time og kona Karen Reiarisdtr. Ola tok over bnr. 1 av faren i 1867. Lik dei fleste som var av Mossigeætta var han ein sers dugande mann både som bonde og som ombodsmann. Dei fekk 8 barn:

1. Grete Maria, f. 28-6 1866, gift med Ola Gudmestad (Gudmestad 48.).

2. Karen Malena, f. 3-2 1868, gift med Jon Opstad (Opstad 91.).
3. Ingebret O. Gausland, f. 21-6 1870 (37.).
4. Reiar Gausland, f. 9-10 1872, død ugift. Han brukte garden saman med broren Ingebret frå 1898 til 1908, då han selde parten sin til broren.
5. Gurina, f. 29-3 1875, gift 13-5 1898 med Lars Jonasson Vøll i Varhaug (sjå der 119.).
6. Kirstine, f. 10-9 1877, d. 5-10 1959.
7. Oline, f. 2-4 1880.
8. Ragnhild, f. 8-4 1883, d. 28-4 1885.

32. **Johannes Olson Salte** var son til Ola Johannesson Store Salte i Klepp og kona Ane Berte Olsdtr. frå Høyland (Høyland 56. 4.). Han var f. 4-4 1840, gift i Time 12-6 1868 med Tomine Ellingsdtr. Sikveland, f. 28-4 1840, d. 4-5 1910, dotter til Elling Kjetelson Sikveland i Time og kona Karen Svensdtr. Gausland (20. 1.). Johannes kjøpte bnr. 6 av Elling Sikveland i 1876 som hadde kjøpt av Sigvard Sand i 1867 (?). Dei fekk 6 barn:

1. Ane Bertine, f. på Gausland 18-4 1869, gift med Kornelius Reime (sjå Reime 38. 4. og Stavnheim 59.).
2. Ole J. Gausland, f. på Salte 23-7 1872 (38.).
3. Karen, f. på Gausland 9-6 1874, d. på Nærbø Gamleheim 25-12 1950, ugift. Ho hadde butt nokre år på Bø.
4. Elling Gausland, f. 1-2 1876, d. 19-3 1960, gift med Lina Trones. Budde i Stavanger.
5. Johan Theodor Gausland, f. 21-12 1877, gift med Marta Olsdtr. Tunheim. — Budde på Tunheim i Time.
6. Inger Vålene, f. 24-8 1880, gift med Knut Husebø, Jåsund.

33. **Enevald Halvardson Berland** var f. i Bjerkreim 15-11 1848, son til Halvard Svenson Berland frå Ognedal i Bjerkreim og kona Serina Ellingsdtr. frå Tjåland i Time, gift 1) i Time 7-7 1870 med Jorina Jespersdtr. Tjåland, f. 28-10 1870, gift 2) 12-11 1878 med Ane Nilsdtr. Eikeland, f. i Bjerkreim 1849, dotter til Nils Isakson Eikeland på Heia i Bjerkreim og kona Siri Johannesdtr. Hovland. — Enevald Halvardson kjøpte bnr. 6 av Johannes Olson i 1878. Han budde på Gausland til 1885, då Johannes Olson kjøpte att bruket av han. Sidan var han nokre år på Lindal, til 1891, då han flutte til Tunheim i Time (sjå Lindal 27.). Eg veit ikkje om han hadde barn med den første kona. Truleg budde han då i Time eller Bjerk-

reim. Men med den andre kona fekk han 8 barn:

1. Halvard Tunheim, f. på Gausland 4-4 1880, — gift 11-10 1902 med Gjertrud Malena Pedersdtr. Undheim, f. 12-4 1880. Bur på Varhaug, der han har vore lærar og klokkar.
2. Jorina, f. 3-4 1881, gift med Sverre Undheim i Montana.
3. Nikolai, f. 28-10 1882.
4. Serina, f. 12-1 1884, d. 5-8 1893.
5. Seline, f. på Lindal 1-5 1885.
6. Enevald Andreas, f. 3-2 1887.
7. Karl Johan, f. på Lindal 28-4 1888, død.
8. Sem, f. 12-7 1889, d. 7-3 1893.

34. **Abigael Nilsdtr. Eikeland** var syster til andre kona hans Enevald Halvardson. Ho kjøpte Skoreberg av Kristian Torgerson, Ola Ingebretson og Enevald Halvardson i 1883. I 1887/90 budde **Ola Jakobson Årdal** på Skoreberget, — og i 1893 var **Kristian Hansson Risa** komen der.

35. **Kristian Torgerson Gausland**, son til 30., f. 12-7 1849, død ugift. Han tok over bnr. 5 i 1882. Han selde til Ole Johannesson.

36. **Tobias Tørresson Undheim** var son til Tørres Svenson Undheim og kona Maren Elisabet Olsdtr. frå Tunheim, f. 6-10 1859, d. på Bøbakkane 15-8 1929 (sjå Bø 163.), gift 15-10 1887 med Ingeborg Gunnarsdtr. Re, f. 6-7 1868, d. på Våland 2-10 1919, dotter til Gunnar Jakobson under Re og kona Margreta Svensdotter frå Stokkeland i Ognå. — Tobias Tørresson kjøpte Skoreberg av Kristian Risa i 1893. Kring 1908 selde han Skoreberg til Nils Garborg (?), og budde sidan ei tid på Risa og Våland til han kjøpte Bøbakkane i 1920 (Bø 163.). Dei fekk 7 barn:

1. Maren, f. 1888, d. 3-7 1960 på Gåsland.
2. Margreta, f. på Gausland 12-11 1893, gift 19-11 1921 med murar Anton Horpestad.
3. Karen, f. 18-8 1896, gift med Gustav Kolnes, Sola.
4. Gustav Risa, f. 13-7 1899, gift med Klara Håland. I Amerika.
5. Tora, f. 3-7 1902, gift 19-7 1924 med Arne Søyland, Nærbø.
6. Inga, f. 31-5 1905.
7. Tilla, f. på Risa 4-12 1909, gift med Leif Mæland, Varhaug.

37. **Ingebret Olson Gausland**, son til 31., var fødd 21-6 1870, død 18-9 1942. Gift 21-3 1895 med Janna Torkelsdotter Mos-

sige, fødd i Time 1-6 1871, død 10-9 1950, dotter til Torkel Rasmusson Mossige og Kirstine Jonsdtr., f. Njå. Ingebret Gausland tok over bnr. 1 i 1898 saman med broren Reiar. I 1906 løyste han inn heile bruket. Ingebret og Janna Kristine, som var kona sitt rette namn, fekk 13 barn:

1. Ole Gausland, f. 5-11 1895, d. i Montana 19-9 1950, ugift.
2. Torkel Gausland, f. 19-5 1897, gift 3-3 1918 med Janna Andreasdotter Undheim. Han fekk bruket etter morbroren på Mossige.
3. Ingebret I. O. Gausland, f. 17-11 1899 (39.).
4. Kjell Gausland, f. 23-12 1900, gift og busett i Brooklyn.
5. Jens Gausland, f. 16-1 1903, d. 21-2 1904.
6. Karl Gausland, f. 17-2 1902 (40.).
7. Kirstine Gausland, f. 16-5 1904, gift 23-9 1933 med Trond Hovland.
8. Magnhild Gausland, f. 13-8 1905, gift 30-4 1938 med Knut Hjelmervik. — Busett i Amerika.
9. Janny Gausland, f. 16-9 1907, gift m. Peder Olson Torland (Torland 90.).
10. Leiv Gausland, fødd 17-1 1909 (sjå Bø 174.).
11. Nora Maria Gausland, f. 23-10 1910, gift 12-11 1938 med Ivar G. Lode, f. 27-4 1912 (sjå Lode 83. 2.).
12. Realf Gausland, f. 14-11 1911, gift med Marry Nøkleby, Toten.
13. Trygve, f. 21-11 1913, d. 26-11 s. å.

38. Ole Johannesson Gausland, son til 32., f. på Salte 23-7 1872, d. 7-12 1961, gift 28-12 1905 med Anne Trijula Pedersen, f. i Herad prestegjeld 27-12 1880. Han kjøpte bnr. 5 av Kristian Torgerson i 1906, og seinare tok han over bnr. 6 av faren. O. J. Gausland er pensjonert infanterikaptein. Dei har hatt 9 barn:

1. Anna Nathalia, f. 11-6 1906, gift 6-10

1934 m. Olaf Gudmestad (Gudmestad 47. 8.).

2. Tora, f. 27-5 1908, gift med Nils Mæland, Stavanger.
3. Johanna, f. 24-5 1910, gift m. Guthorm Årthun. Ho er lærar i Nærbø.
4. Johannes Gausland, f. 9-5 1912. Han har bnr. 5 og 6.
5. Olav Gausland, f. 5-8 1913, gift med Margurite Lillian Luff, f. i England. Militær.
6. Agnes, f. 23-9 1913, d. 23-12 1957, gift med Nils Steinsland.
7. Sigfrida, f. 17-8 1920, gift med Sverre Berntsen, Sokndal.
8. Einar Gausland, f. 1-12 1922.
9. Ingrid, f. 13-3 1924.

39. Ingebret I. O. Gausland, son til 37., f. 17-11 1899, gift 14-6 1937 med Gudrun Pedersdotter Fosse, f. 9-2 1901, dotter til Peder Tollakson Fosse og Grete Maria, f. Skrudland. Ingebret tok over bnr. 1 etter faren i 1939. Barn:

1. Jorunn Kristine Gausland, f. 7-7 1938, — gift 1959 med lærar Olaf Andreas Selle, Time.
2. Grete Maria Gausland, f. 14-11 1943, gift 27-3 1965 m. Brynjulf Erga, Klepp.

40. Karl Gausland, bror til 39., f. 17-2 1902, gift 20-3 1938 med Ingebjørg Nilsdotter Njærheim, f. 1-3 1906 (Njærheim 137. 4.). Karl Gausland tok over ein part av farsgarden, bnr. 8, i 1938. Barn:

1. Jofrid Gausland, f. 3-2 1941, gift med Tobias M. Skretting (Njærheim 178.).
2. Ingebrigt Gausland, f. 10-3 1942.
3. Nils Gausland, f. 11-8 1944.
4. Ingunn Gausland, f. 1-7 1946, gift med Gaute Skretting, Nærbø.

41. Johannes O. Gausland, son til 38., f. 9-5 1912. Han tok over bnr. 5 og 6 etter faren i 1948.

G.nr. 30. Njølstad

Uttalast lokalt Nøllst eller Nyllst. Skriveforma har vore: 1567 Nødelsteid, 1606 Nøiellstad, 1610 Nøyellstad, 1668 Njølstad, 1723 Njølstad. Kjem truleg av mannsnamnet Nefjulfr eller Njål. — Njølstad hadde ei korn landskuld på 1 pund og 3 spand i 1723. Av det låg 18 spand under Stavanger prestebol og 9 spand under Bø prestebol. I 1812 er dei 18 spand komne under Eigersund prestebol. Garden er heller flatlendt og ligg til Tveråno mot nord, mot aust til Garborg, mot sør til Gausland og mot vest til Gudmestad.

NAMNEREGISTER

1. Randuedt
 2. Erik
 3. Jakob
 4. Ola Njølstad
 5. Nils Toreson Hauge
 6. Ola Torstenson Gausland
 7. Jon Ellingson Ånestad
 8. Elling Jonson Njølstad
 9. Jon Ellingson Njølstad
 10. Tjøl Ellingson Njølstad
 11. Ola Gunnarson Kvål
 12. Ola Tjølson Njølstad
 13. Omund Svenson (Gausland?)
 14. Napoleon Pederson Time
 15. Gunnar Olson Njølstad
 16. Ola Gunnarson Njølstad
 17. Andreas Gunnarson Kverme
 18. Gabriel Gunnarson Njølstad
 19. Peder Njølstad
 20. Karl Njølstad
 21. Rasmus Njølstad
 22. Gabriel A. Njølstad
 23. Alfred Njølstad
 24. Magnus Bjorland
 25. Torleif Espedal
1. **Randuedt (Ranveig?)** er nemnd på Njølstad i 1563. Skatta 1 dalar. Det har truleg vore ei enkje.
2. **Erik Njølstad** gav 3 spand leidang i 1602.
3. **Jakob Njølstad** skatta 10 dalar i 1613 (sjå Bø 10.).
4. **Ola Njølstad** er nemnd i manntallet 1645 og 1665. Han var fødd kring 1613, død 1676, skifte 20-9 det året. Gift med Ingeborg Trondsdotter. Ola Njølstad var bror til Tarald Bø (Bø 24.). I 1645 er han oppført med kona og ei gjenta og skatta 1 ort. Han brukte halve garden ^{131/2} spand, i 1665. Truleg var Ingeborg Trondsdr. enkje etter ein Orm, for ved skifte etter Ola stod Guri Ormsdr. sitt ombud i bua. (Sjå ellers Tingbok I side 167.) Ola og Ingeborg Njølstad hadde berre ei dotter:
Malena Olsdr. (gift med Nils Toreson, nr. 5).
5. **Nils Toreson Hauge**, var son til Tore Gunnarson Hauge i Klepp og kona Else Henriksdr. Han var fødd kring 1627, død 1698, skifte 10-5 det året. Gift 1) med Malena Olsdr. (4. 1.), gift 2) med enkja etter Knut Olson Garborg, Åsa Børildsdtr. Nils Toreson brukte 13y2 spand i 1665. Nils Toreson hadde 4 barn i første gifte:
1. Ola Nilsson Gudmestad, f. 1665 (Gudmestad 13.).
2. Nils Nilsson Risa, fødd 1681 (sjå Risa 29.).
3. Berit Nilsdr., gift 1) med Ola Torstenson Njølstad, — gift 2) med Jon Ellingson (6. og 7.).
4. Else Nilsdr. var gift på Litle Undheim i Time.
6. **Ola Torstenson** var son til Torstein Olson Gausland (4. 2.). Han var fødd kring 1656, skifte 10-6 1711, gift med Berit Nilsdr. Njølstad (5. 3.). Ola Tor-

steinson brukte heile Njølstad, 27 spand. Han hadde ikkje barn.

7. **Jon Ellingson** var son til Elling Larsson Anestad og kona Guri Jonsdtr. (sjå Anestad i Varhaug 18. 2.). Han var fødd kring 1688, skifte etter han 17-6 1775, gift 1) med enkja etter Ola Torsteinson, Berit Nilsdtr., d. 1736 (Tingbok V side 156), gift 2) med Berit Torsteinsdotter Grødeland (Grødeland 11. 2.). Ho døde kring 1740, og så gifta han seg 3) med Berit Eriksdtr. Hobberstad, fødd kring 1708, dotter til lensmann Erik Jonson Hobberstad og **kona Ingeborg Eriksdtr.** (sjå Hobberstad i Varhaug 30. 4.). Jon Ellingson byksla heile Njølstad etter Ola Torsteinson. Han hadde 1 barn i andre gifte og 3 i tredje:

1. Berit Jonsdtr, gift med Mons Monsson Bjorland (Bjorland 5.).
2. Berit d. y., fødd 1744, gift med Hans Erikson Åse i Klepp.
3. Elling Jonson Njølstad, f. 1747 (8.).
4. Ingeborg, f. 1751, gift med enkjemann Ola Olson Torland (Torland 36.).

8. **Elling Jonson Njølstad**, — fødd kring 1747, død 22-9 1811, gift 1) med Kirsten Gitlesdtr. Årsland, fødd kring 1752, skifte 13-6 1783, dotter til Gitle Erikson Årsland i Varhaug og kona Berta Hansdtr. (sjå der 21. 1.), gift 2) 1784 med Berta Tjølstdtr. Nærland, fødd kring 1754, død (1825?) (Nærland 20. 4.). Elling Jonson tok over bykselen etter faren i 1775. — Han hadde 3 barn i første gifte og 6 i andre:

1. Ingeborg, fødd 1776, gift med Tarald Taraldson Torland (sjå Torland 46.).
2. Berit, f. 1778, d. 23-6 1799, ugift.
3. Anna Kirstina, f. 1780.
4. Jon Ellingson Njølstad, f. 1785 (9.).
5. Tjøl Ellingson Njølstad, f. 1786 (10.).
6. Kirsten, f. 27-1 1788, gift 12-11 1813 med Gabriel Erikson Årsland (Årsland 31.).
7. Ola Ellingson, f. 24-10 1790, d. på Nærland 13-5 1863, ugift.
8. Anna, f. 24-5 1795, d. 5-5 1799.
9. Hans, f. 27-5 1798, d. 23-2 1799.

9. **Jon Ellingson Njølstad**, f. 1785, d. 11-4 1838. Han byksla 13y2 sp. i 1811. Han var visst ikkje gift. Peder Njølstad fortalde at han var ein raring. Han støypte kalvar av messing som han kalla Gullkalvar og sa han hadde funne dei i ein haug. Han brukte den vestre parten, bnr. 1, til han døde. Sidan kjøpte Ola Gunnarson denne parten.

10. **Tjøl Ellingson**, bror til Jon, f. 1786, d. 2-4 1854, gift 9-11 1815 med Maren Kirstina Olsdtr. Torland, fødd kring 1779, død 22-2 1855 (sjå Torland 40. 2.). Tjøl byksla 13 $\frac{1}{2}$ sp. i 1811 etter faren, som han fekk kongeskjøte på i 1849 for 550 spd. Dette var den austre parten, bnr. 3. Dei fekk 4 barn:

1. Elling, f. 1-10 1816, d. 7-9 1822.
2. Guri Marta, f. 1-4 1818, gift med Rasmus Reime (Reime 38.).
3. Ola Tjølson Njølstad, f. 2-4 1820 (12.).
4. Ane Berte, f. 9-1 1823, gift med Erik Nærland (Nærland 35.).

11. **Ola Gunnarson Kvål** var son til Gunnar Olson Kvål i Helleland og kona Guri Pedersdtr., bror til Peder Lode og Gunnar Grøtheim. Han var f. 24-10 1795, d. 17-5 1879, gift 1) med Berta, — gift 2) med Kristine Torgersdtr. Omdal, f. 11-11 1792, d. 28-7 1870, dotter til Torger Svenson Omdal i Helleland og kona Guri Torkelsdtr. Ola kjøpte den vestre parten i 1841 med kongeskjøte, for 811 spd. Han hadde 4 barn i første gifte og 1 i andre: Dei var alle fødde på Kvål:

1. Ingeborg, f. 11-10 1819, gift 19-4 1872 med Peder Areson Litle Undheim.
2. Guri, f. 4-11 1822, gift 12-4 1860 med Ola Gabrielson Gausland (Bjorhaug 13.).
3. Berta Maria, f. 30-5 1825, gift 19-8 1852 med Ivar Børildsom Uirkeland i Helleland.
4. Gunnar Olson Njølstad, f. 12-12 1827 (15.).
5. Berta, f. 18-3 1834, gift 8-4 1858 med Mathias Sivertson Helland i Time.

12. **Ola Tjølson Njølstad**, son til 10., f. 2-4 1820, gift 1) 12-11 1850 med Kirstine Nilsdtr. Næsheim, f. 12-4 1821, d. 20-10 1853 (sjå Næsheim 81. 2.), gift 2) i Stavanger 6-12 1855 med Taletta Andersdtr. frå Skudesnes, 37 år. Ola Tjølson kjøpte 13V2 spand av faren i 1850 for 400 spd. + følge. I 1854 selde han til Napoleon Pederson med skjøte i 1857, for 1075 spd. + følge og flutte til Stavanger, der han var gjørtlar. Han døde ikkje så lenge etter han kom til Stavanger. — 2 barn fødde på Njølstad:

1. Tønnes, f. 21-10 1851, vaks opp på Reime og reiste til USA.
2. Nils, f. 17-10 1852, vaks opp på Reime og reiste til USA.

13. **Omund Svenson (Gausland?)** byksla ein plass under Njølstad, Næbevodl, av Ola Tjølson. Denne bykselen vart avlesen

20-10 1862 og var då under Napoleon Pederson.

14. Napoleon Pederson Time var son til Peder Pederson Øvre Time og kona Guri Karlsdr. frå Kleppe. Han var f. 20-7 1825, d. 9-9 1883, gift 1) 30-3 1854 med Akseliana Kristine Jensdr. Njå, f. 20-6 1832, d. 29-12 1873, dotter til Jens Bull Olson Njå i Time og kona Malena Torkelsdr., gift 2) 24-3 1875 med Inger Serina Monsdr. Grøtheim, f. 20-9 1848, d. 12-7 1923, dotter til Mons Svenson Grøtheim i Time og kona Anna Maria Olsdotter Mossige. Napoleon kjøpte dei 13V2 spand av Ola Tjølson i 1854, bnr. 3. Han var mykje nytta i det kommunale stell i bygda. — Han fekk 10 barn i første gifte og 5 i andre:

1. Gustine Marie, f. 9-4 1855, d. 16-11 1916, gift 14-12 1881 med Sven Andersson Skretting (Skretting 113.).
2. Peder Njølstad, f. 20-11 1856 (19.).
3. Jens, f. 11-10 1858, d. 3-11 1881, ugift.
4. Nikolai Pederson, f. 27-8 1860, d. i Amerika 16-9 1940, gift med Gustava Olsdr. Lende. Budde i Minnesota.
5. Malena, f. 1-11 1862, d. 16-11 s. å.
6. Malena, f. 29-10 1863, d. 30-5 1870.
7. Akseliana Kristine, f. 9-4 1866, d. 23-8 1898, ugift.
8. Karl Johan, f. 8-7 1868, d. 5-4 1869.
9. Karl Johan Pederson, f. 20-5 1870, gift med Anne Borghild Toft frå Gudbrandsdalen. — Han var prest i Minnesota.
10. Malena, f. 8-9 1872, gift 11-11 1897 med Peter Nilsson Arrestad i Time.
11. Akseliana Kristine, f. 29-12 1875, gift 14-6 1899 med Gabriel Nærland (Nærheim 113.).
12. Anna Maria, f. 9-3 1878, d. 28-7 1881.
13. Inger Serina, f. 16-6 1880, ugift.
14. Anna Justine, f. 20-2 1882, gift med Peder Njærheim (Njærheim 128. 2.).
15. Napoleon Njølstad, f. 24-11 1883, d. 13-6 1943, gift med Ida Rasmusdr. Madland i Gjesdal, f. 1898, d. 5-10 1925. Napoleon Njølstad budde på Lode og var heradsagronom i Haa. Dei hadde ikkje barn.
15. Gunnar Olson Njølstad, son til 11., f. i Helleland 12-12 1827, d. 22-6 1895, hah drukna i ei torvgrov, gift 1) 30-3 1856 med Rakel Johanna Gunnarsdr., f. i Oгна 20-4 1829, d. 24-8 1866 (Grøtheim 19. 2.). Dei var syskenbarn, gift 2) i Oгна 1867 med Ingeborg Kirstina Gunnarsdr. Kverme, f. 1842, d. 29-10 1938, syster til
17. Gunnar kjøpte dei 13y2 sp. av faren

i 1857 for 500 spd. + følge. Han fekk 3 barn i første gifte og 7 i andre:

1. Ola Gunnarson Njølstad, f. 23-7 1857 (16.).
2. Berta, f. 9-5 1859, gift 1-4 1887 med Helmik Svenson Lode (sjå Lode 70.).
3. Gabriel Njølstad, f. 24-2 1861 (18.).
4. Rakel Johanna, f. 24-7 1868, d. 22-1 1869.
5. Rakel Johanna, f. 23-12 1869, gift m. Jonas Nilsson Anda. Dei omkom med "Norge" på veg til Amerika saman med 2 barn.
6. Gunnerius Njølstad, f. 30-6 1873, d. 1915, — gift 17-12 1895 med Gustine Halvardsdr. Løge, f. 11-10 1871, d. 13-2 1947. Han var målar på Nærbo.
7. Gunnar, f. 2-10 1875, d. 28-2 1884.
8. Karl Njølstad, f. 27-6 1878 (20.).
9. Ingeborg Kirstine, f. 4-6 1880.
10. Gurine, f. 8-2 1884, d. 16-3 1960, gift med Karl Jakobson Rosland.
16. Ola Gunnarson Njølstad, son til 15., f. 23-7 1857. Han vart tilskriven garden ved skifte etter faren i 1884 for 5400 kroner. — Ikkje lenge etter for han til Amerika, og broren Gabriel forpakta garden nokre år. I Amerika vart han gift med ei som visst var frå Nedstrand. I 1888 kjøpte Andreas Gunnarson Kverme halve bruket, Skjeraberget, bnr. 2, for 2000 kroner utan hus, — og i 1893 har Gabriel Gunnarson Njølstad teke over det andre halve bruket, bnr. 1.
17. Andreas Gunnarson Kverme var son til Gunnar Børildson Kverme i Oгна og kona Karen Elisabet Salvesdr. Han var bror til den andre kona hans Gunnar Olson Njølstad, Ingeborg Kirstine Gunnarsdr. Han var f. i Oгна 1858, gift 1) 24-11 1887 med Rakel Kirstine Larsdr. Kjedeland i Høyland, f. 1-10 1867, d. 6-1 1896, gift 2) 6-12 1896 med Berta Maria Larsdr. Kjedeland, f. 14-11 1873. Dei var systre og døtre av Lars Larsson Jutland på Kjedeland og kona Berta Maria Kristensdr. Andreas var komen til Njølstad i 1886. I 1888 fekk han skjøte på bnr. 2 av Ola Gunnarson for 2000 kroner + halv følge til enkja Ingeborg Kirstine Gunnarsdr. Denne parten er kalla Skjeraberget i matrikkelen. Det var husalaust og mest inkje dyrka jord å kalla. Men Andreas var ein arbeidsmaur, og det var ikkje lenge før det var framom den andre parten både med omsyn til hus og dyrka jordvidd. Andreas Njølstad hadde 3 barn i første gifte og 4 i andre:
1. Karen Lotte, f. 21-2 1889, gift 16-10

- 1915 med bakar Ingvald Theodor Johannessén, f. i Tysvær 12-2 1893
2. Gabriel Njølstad, f. 27-8 1891, gift 30-6 1930 med Kirsten Olsdr. Gudmestad, f. 17-2 1897 (Gudmestad 49. 5.).
 3. Lars, f. 25-3 1894, d. 30-12 s. å.
 4. Rakel Kristine, f. 11-12 1897, d. 10-12 1898.
 5. Alfred Ragnvald Njølstad, f. 7-12 1901, gift med Gunvor Andresen, f. i Oslo 15-3 1904. Han tok over halve fars-garden, bnr. 2. Han selde til Rasmus Øiestad som selde til Magnus Bjørland i 1938. Han bur nå på Trones i Høyland.
 6. Berta Maria, f. 8-7 1905, gift 6-4 1924 med Omund Hansson Arrestad i Time.
 7. Lina, f. 20-4 1912, gift med Rasmus Svenson Øiestad, fødd i Høyland 17-8 1910. Bur på Trones i Høyland.
18. Gabriel Gunnarson, son til 15., f. 24-2 1861, gift 1-4 1892 med Elen Pedersdr. Grøtheim, f. 27-12 1863, d. 18-4 1956, dotter til Peder Pederson Grøtheim i Time og kona Olina Torgersdr. Gabriel tok over bnr. 1 etter broren Ola. Dei var barnlause, og han selde til broren Karl og flutte til Bø.
19. Peder Njølstad, son til 14., f. 20-11 1856, d. 7-11 1949, gift 2-11 1883 med Gurina Rasmusdr. Reime, f. 6-5 1857, d. 16-2 1952 (sjå Reime 38. 6.). Peder Njølstad vart tilsett som skulelærer straks etter at han var konfirmert, og heldt fram med det til han var over 65 år. Han var og med i heradstyre og formannskap, og var varaordførar og sidan ordførar. I 1884 tok han over bnr. 3 etter faren. Dei fekk 8 barn:
1. Nikolai Njølstad, f. 30-11 1884, gift med Maria Rom frå Lyngdal. Han er kontormann i Stavanger.
 2. Rasmus Njølstad, f. 27-2 1887, gift 5-9 1914 med Grete Pedersdr. Obrestad, f. 14-6 1887 (Obrestad 37. 7.). Tok over farsgarden i 1916.
 3. Peter Gabriel Njølstad, f. 4-5 1889, d. 17-4 1956, gift 1) 27-3 1918 med Oline Tjerandsdr. Harestad, f. 1897, d. 1918, gift 2) med Julie Johannesdr. frå Skjæveland i Høyland. Peter Njølstad var lærar på Dalheim, seinare skulestyrar i Skudesneshamn.
 4. Akseliane Kristine, f. 4-4 1891. Lærar i Sandnes.
 5. Marta, f. 7-5 1893, gift med Ola Olson Sandven, Norheimsund.
 6. Klara, f. 3-6 1895, d. 4-11 s. å.
 7. Klara, f. 16-9 1896, gift 4-8 1929 med Nils Hauge, lektor på Stord, f. 19-6 1895.
 8. Gudrun, f. 29-12 1899, gift med Bjarne Reidarson, Fana.
20. Karl Gunnarson Njølstad, son til 15. i andre gifte, f. 27-6 1878, d. i Montana, gift med Berta Sivertsdotter Helland, dotter til Sivert Mathiasson Øvre Helland i Time og kona Maria Larsdr. Dei var tremeningar (sjå 11. 5.). Karl kjøpte bnr. 1 av halvbroren Gabriel Gunnarson (18.). Sidan (1925) selde han til syskenbarnet sitt, Gabriel Andreasson, og reiste til Montana. Før han kom til Njølstad hadde han vore fleire vender til Amerika, og hatt gard på Horpestad i Klepp. Barn:
1. Ingeborg (Inex), gift med Tykeson, Eugene, Oregon.
 2. Maria, gift med Rasmuson i Oregon.
 3. Greta, gift med Maddocks, Casper, Oregon.
 4. Judy, — gift med Flatters, Winston, Oregon.
 5. Sam Gunderson (Swen) — i Eugene, Oregon.
 6. Borgny Christine, fødd 12-3 1918 på Njølstad.
 7. Karla, f. 29-9 1921.
21. Rasmus Pederson, son til 19., f. 27-2 1887. Gift 5-9 1914 med Grete Obrestad, f. 14-6 1887, d. 7-2 1965 (sjå Obrestad 37. 7.). Han tok over bnr. 3 etter faren i 1916. Rasmus Njølstad var ordførar 1932/34 og var med i heradstyre og formannskap ymse bolkar. Dei hadde 11 barn:
1. Per Njølstad, f. 8-11 1915. Tok over garden i 1961.
 2. Tor Njølstad, f. 24-1 1917. Apotekar i Oslo. Gift med Målfrid Årtun. f. 19-6 1921.
 3. Gunlaug Njølstad, f. 16-11 1918, gift med Johannes Øksnevad, f. i Klepp 12-2 1917. Busett i Durand, Ill., USA.
 4. Guri Njølstad, f. 8-1 1920, gift med Dambert Nåden, f. i Finnøy 21-10 1914.
 5. Ragnar Njølstad, f. 7-10 1921, bonde i Vestfold.
 6. Arvid Njølstad, f. 6-2 1923, gift med Reidun Widerø, f. i Sem 25-1 1926. Rektor ved Søgne Jordbrukskule.
 7. Solveig Njølstad, f. 13-9 1924, gift m. misj. Reidar Eriksen, f. 18-11 1922.
 8. Gudny Njølstad, f. 27-7 1926, gift m. lærar Bjarne Nevestveit, f. i Mo i Telemark 11-6 1928.
 9. Guttorm Njølstad, f. 7-3 1928, gift med Nelly Drange fra Os, f. 23-2 1925. Bonde på Hauge, Lista.

10. Trygve Njølstad, f. 3-7 1929, gift med Eva Helgesen, f. i Solør 24-2 1935. Han er dyrlækjar.
11. Bjarne Njølstad, f. 19-4 1933, d. 1933.
22. Gabriel A. Njølstad (son til 17.), f. 27-8 1891, d. 18-7 1968. Gift 30-6 1930 med Kirsten Gudmestad, f. 17-2 1897, d. 19-4 1969 (Gudmestad 49. 5.). Han kjøpte bnr. 1 av Karl Gunderson og tok over ein part av farsgården i 1925. Tor Gudmestad (Næsheim 116. 3.) kjøpte bruket av Gabriel si dødsbu. Ikkje barn.
23. Alfred A. Njølstad, halvbror til 22., f. 7-12 1901. Gift med Gunvor Andersen, f. i Oslo 15-3 1904. Han tok over bnr. 2 etter faren i 1925. I 1938 selde han til Magnus Bjorland og flutte til Trones i Høyland.
24. Magnus Bjorland (Bjorland 26. 6.), f. 8-2 1903. Gift 1934 med Randi Hobberstad, f. i Varhaug 26-6 1911 (Hobberstad 52. 6.). Magnus Bjorland kjøpte bnr. 2 i 1938. Dei har 5 barn:
1. Jofrid Bjorland, f. 7-12 1934, gift med Rune Wiik.
 2. Mons Bjorland, f. 23-5 1936, gift 10-8 1963 med Ingfrid Torland, f. 13-3 1943 (Torland 89.).
 3. Håkon Bjorland, f. 17-12 1937, gift m. Ingfrid Vagle.
 4. Rolf Magnus Bjorland, f. 5-10 1939, gift med Magnhild Tysdal.
 5. Gaute Bjorland, f. 18-11 1944, gift m. Magnhild Vik.
25. Torleif Johan Svenson Espedal, fødd i Høgsfjord 16-7 1897, gift 11-12 1921 med Marta Margreta Haugland, fødd i Varhaug 18-4 1900 (Haugland, Varh. 35. 4.). Torleif Espedal var smed hjå Underhaug. I 1939 kjøpte han ein liten part av Njølstad, Litlamo bnr. 7. — Barn:
1. Edith Espedal, f. 21-8 1923, gift 1945 med Ola L. Vigre (Vigre 67. 1.).
 2. Sigurd Espedal.
 3. Margreta Espedal, gift 19-11 1949 med Rasmus L. Vigre (Vigre 67. 2.).
 4. Leif Espedal.
 5. Gerd Espedal.
 6. Martha Espedal.
 7. Torny Espedal, gift 1958 med Ragnvald Bratland, f. 8-6 1930 (Bratland, Varhaug 30. 4.).
 8. Ruth Espedal, gift 1960 med Lars L. Vigre (Vigre 65. 7.).

G.nr. 31. Risa

Skrivemåten har vore: 1563 Risse, 1567 Riissem, 1610 Riisze, 1668 Riisse, 1723 Riise.

Namnet kjem av ris, småskog, serleg bjørk, som der ennå finst mykje av på garden.

Risa skifter med Garborg og Gausland mot sør og mot Garborg og Tjensvoll i Time i nord, mot Tunheim i aust, og mot Våland og Bø lengst mot sør og vest på Bakkane.

Garden hadde ei korn landskyld på 3 pund i 1723. Jorda er noko brattlendt grus og leirjord. I gamal tid har truleg mest heile garden vore skogkledd. I øvre enden mot Våland er noko torvmyr. Lye prestebol åtte 12 spand i 1723, seinare kom dette over til Bø prestebol. Resten, 2i/2 pund, var bondegods eller i onnor privat eiga.

NAMNEREGISTER

1. Tarald Risa
2. Helge
3. Dagfinn (Monsson?)
4. Laurits
5. Helge (Dagfinnson?)
6. Alv Dagfinnson
7. Tarald Risa d. y.
8. Olluff
9. Eivind
10. Olluff (Oddson?)
11. Rasmus Alvson
12. Sven Bårdson
13. Odd Olson
14. Halvard Taraldson
15. Einar Svenson
16. Aslak Erikson
17. Ola Rasmusson
- 17B. Ola Simonson Risa
18. Ola Børildson
19. Anders Olson
20. Ivar Bjørnson
21. Jon Kristenson
22. Hans Ellingson
- 22B. Josef Risa
23. Mikkell Ivarson
24. Sven Svenson I
25. Torsten Halvardson
26. Johannes Risa
27. Halvard Halvardson I
28. Hans Ivarson
29. Nils Nilsson
30. Omund Jonson
31. Tarald Erikson
32. Halvard Torstenson
33. Halvard Halvardson II
34. Rasmus Halvardson
35. Torsten Halvardson
36. Jesper Simonson
37. Simon Jespersion
38. Anders Svenson I
- 38B. Asbjørn Jonson Bjorheim
39. Hans Svenson I
40. Rasmus Johannesson
41. Peder Johannesson
42. Osmund Svenson
43. Halvard Halvardson III
44. Sven Hansson I
45. Tolleiv Ørjenson
46. Hans Hansson Risa I
47. Sven Svenson II
48. Ola Toreson (Trondson?)
49. Rasmus Svenson
50. Hans Svenson II
51. Sven Svenson d. y. III
52. Halvard Olson
53. Peder Torstenson
54. Sven Taraldson
55. Johannes Svenson
56. Anders Osmundson
57. Lars Larsson
58. Sven Andresson I
59. Hans Hansson III
60. Kristian Jespersion
61. Sven Svenson IV
62. Lars Halvardson

63. Hans Svenson III
 64. Ola Pederson
 65. Sven Johannesson
 66. Peder Josefson
 67. Anders Svenson II
 68. Sven Svenson V
 69. Rasmus Hansson
 70. Hans Hansson IV
 71. Sigbjørn Olson
 72. Aslak Erikson Gimra
 73. Sven Hansson II
 74. Ola Olson Bollestad
 75. Ola Olson Lindal
 76. Elling Ellingson Frøyland
 77. Gabriel Omundson Arrestad
 78. Tolleiv Asbjørnson Undheim
 79. Sven Andresson II
 80. Hans Rasmusson
 81. Lars Sigbjørnson
 82. Peder Olson Risa
 83. Sven Svenson VI
 84. Anfinn Line
 85. Jon Hadland
 86. Karl Taksdal
 87. Peder Jonson Løgestein
 88. Ole Pederson Løgestein
 89. Omund Olson Undheim
 90. Ole Olson? Øygaard?
 91. Hans Ellingson på Lynghaug
 92. Jonas Svenson Flåten
 93. Isak Pederson Risa
 94. Eivind Hansson Tjåland
 95. Hans Ellingson Risa
 96. Ingebret Larsson
 97. Sem Larsson
 98. Hans Hansson Risa III
 99. Ole Olson d. y.
 100. Sigve Theodor Risa
 101. Sven Tørreson Undheim
 102. Andreas Larsson Risa
 103. Tobias Tørreson Undheim
 104. Laurits Fuglestad
 105. Einar Risa
 106. Peder P. Risa
 107. Gabriel H. Risa
 108. Gunleif Risa
 109. Sven S. Risa
 110. Ola O. Risa
 111. Torvald Undheim
 112. Kristofer Risa
 113. Erling Torolf Risa
 114. Maria S. Risa
1. Tarald Risa er nemnd i 1519.
 2. Helge Risa er nemnd i 1519.
 3. Dagfinn (Monsson?) er nemnd på Risa 1563/1591. Han skatta 1 dalar. Hans barn var truleg desse:
 1. Mons Undheim.
 2. Alv Risa (6.).
og (Helge?).
 4. Laurits Risa er nemnd i 1563, han skatta 1 dalar.
 5. Helge (Dagfinnson?), truleg son til 3., eller gift med dotter hans. Han er nemnd på Risa i 1602. Var kanskje far til Dagfinn Helgeson Håland (Låge Håland 3.).
 6. Alv Dagfinnson Risa, — son til 3., er nemnd på Risa 1602/1603. Kona heitte truleg Marit. Me trur desse var deira barn:
 1. Dagfinn Undheim, var på Skrudland i Time i 1636.
 2. Rasmus Alvson Risa (11.).
 3. Bjørn Alvson Hognestad, gift m. Guri Sveinsdr. Hognestad.
 4. Mons Alvson Tjensvoll, i Time.
 5. Gaute Alvson Tjensvoll.
 6. Alv Alvson Rimestad (Rimestad 9.).
 7. Marit Alvsdr., gift med Sigvard Arestad i Time.
 7. Tarald Risa er nemnd 1602/1603.
 8. Olluff Risa er nemnd 1613, gav V_2 vett leidang i 1624. Var domsmann på tinget i 1627.
 9. Eivind Risa er nemnd 1613.
 10. Olluff (Oddson?) gav V_2 vett leidang i 1624. Han var son til Odd Lode (sjå der 7. 1.).
 11. Rasmus Alvson Risa, son til 6., var fødd kring 1585. Han gav y_2 vett leidang i 1624. Er og nemnd 1645 og 1665.
 12. Sven Bårdson er nemnd på Risa i 1645 med ein dreng og ei gjenta. Han skatta 16 skilling. Var laugrettesmann i 1640.
 13. Odd Olson var son til 10. Han er nemnd i 1645 med kona. Skatta 16 skilling.
 14. Halvard Taraldson Risa, son til 7. Han er nemnd frå 1636 til 1665. Var laugrettesmann i 1640, skatta 1 ort i 1645. Han var fødd kring 1596, død 1675, skifte 18-12 det året. Gift 1) med ukjend, gift 2) med Joron Helgesdr., som kunne vore dotter til 5. Halvard hadde 2 barn i første gifte og 6 i andre:
 1. Ola Halvardson var utanlands i 1675 (Mauland i Time?).

2. Anna Halvarsdtr.
3. Torsten Halvardson Risa (25.).
4. Helge Halvardson, f. 1644, d. før 1675.
5. Halvard Halvardson Risa (27.).
6. Simon Halvardson, f. 1650, d. før 1675.
7. Hans Halvardson, f. 1653.
8. Guri Halvarsdtr.

15. **Einar Svenson Lende**, truleg son til Sven Einarson Lende, Time. Fødd kring 1622, gift 1) med ukjend, gift 2) med Åsa Svensdotter, enkje etter Josef Olson Lende. Han var på Risa 1642/1645. (Sjå Tingbok I side 68.) Han var komen til Lende i 1665.

16. **Aslak Erikson** er nemnd på Risa i 1665 og brukte y2 pund. Fødd kring 1615. Ein son er nemnd: Rasmus Aslakson, f. 1659.

17. **Ola Rasmusson** kunne vore son til Rasmus Alvson. Han var på Risa i 1665 og brukte y2 pund. Han var fødd kring 1620. Kona er ikkje nemnd, men 3 søner:

1. Laurits, f. 1650.
2. Ola, f. 1660.
3. Rasmus, f. 1665.

17B. **Ola Simonson Risa** var laugrettesmann i 1654. Han er ikkje nemnd seinare.

18. **Ola Børildson** var bror til Nils Børildson Garborg. Han brukte 6 spand i Risa i 1665. Fødd kring 1630. Kona eller barn er ikkje nemnde. Var han kanskje gift med Turi Olsdtr., syster til Knut Olson Garborg, som seinare vart gift med Peder Helgeson Njærheim? (sjå Njærheim 47.). I så fall hadde dei dottera: Randi Olsdotter, gift med Knut Gullikson Frøyland i Time.

19. **Anders Olson Garborg** var bror til Knut Olson Garborg. Han var fødd kring 1625. I 1665 brukte han y2 pund i Risa, men i 1701 er han på Fotland i Time. Kona er ikkje nemnd, men 6 søner:

1. Eivind eller Einar, f. 1653.
2. Sven Andersson Garborg, f. 1654.
3. Ola Andersson, f. 1656, gift med Marit Nilsdtr. Budde på Fotland.
4. Kristen Andersson, f. 1660.
5. Anders Andersson, f. 1663.
6. Ola d. y., f. 1665.

20. **Ivar Bjørnson**, var son til Bjørn Alvson Hognestad (sjå Risa 6. 3.). — Fødd kring 1627, død 1701, gift med Siri Hansdtr. Vestly, dotter til Hans Omundson Vestly og Gjertrud Rasmusdtr. — Ivar

brukte y2 pund som han åtte sjølv i 1665. Barn:

1. Hans Ivarson Risa (28.).
2. Sissel (gift med Hans Olson Skjærpe Skjærpe 12.).
3. Gjertrud Ivarsdtr., gift med Torsten Olson Ånestad (sjå der 26.).
4. Malena Ivarsdotter, gift med Anders Svenson (38.).
5. Ivar Ivarson, f. 1678. (Sjå Tingbok II side 183.)

21. **Jon Kristenson** var son til Kristen Jonson Tunheim frå Nærland, (Nærland 6. 4.). Han var fødd kring 1635, gift 1) med enkja etter Paul Olsson Helland, Magla Olsdtr. frå Skrettingland (sjå der under 5.), gift 2) med Marit Larsdotter Helland. Jon Kristenson budde på Helland med den første kona, som døde i 1679, skifte etter henne 25-2 det året. Ho hadde 6 barn med første mannen og ei dotter med Jon. Med den andre kona budde han på Risa, der han er nemnd i 1701. Ein son i andre gifte. Peder Josefson Bø åtte godset i Risa. Barna var:

1. Lisbet Jonsdtr., gift med Ljødel Olson Opstad (Opstad 24.). Dei var skylde og måtte ha kongebrev.
2. Kristen Jonson Vatne, f. 1682, gift m. Maren Samuelsdtr. Vatne. (Jon Kristenson åtte 9 spand i Helland og 6 spand i Skjærpe i 1675, som han selde til presten Peder Leganger i Haa i 1680.)

22. **Hans Ellingson Tjøtta** var son til Elling Gullikson Tjøtta i Klepp og kona Ingrid Tjærandsdtr. frå Kleppe. Han var gift med Lisbet Larsdotter, enkja etter Kristen Jonson Tunheim og altså mor til Jon Kristenson Risa (21.). Hans Ellingson døde i 1676, og det er truleg at Jon Kristenson har fenge bruket hans på Risa. Han var komen til Risa etter 1665, og då levde ennå Kristen Jonson og budde på Tunheim. Han budde på Tjøtta i 1665 og 1675, så han kunne ikkje ha vore på Risa meir enn eit års tid, då han døde.

22B. Josef Risa var stemnd av presten Gjøde Gjødesen på Lye i 1679 "formeldst hand iche efterholdt Lougens formeld om hans bøkels indhold". — (Sjå Tingbok II side 17.)

23. Mikkel Ivarson, var kalla husmann i 1719 og 1738. Han var son til Ivar Hodne i Klepp og første kona. Mikkel Ivarson var laugrettesmann i 1689. Den 22-10 1700 fekk Mikkel Risa bykselbrev på y2

pund i Risa som Omund Jonson var odelsmann til. (Sjå Tingbok II side 173.) Mikkell var gift 1) med enkja etter Trond Mossige, Guri Jonsdotter frå Bø (Bø 31. 2.) og syster til Omund Jonson Risa 30.), gift 2) med Magla Guttormsdotter, gift 3) med Marit Kristofersdotter Brualand. Der er nemnd 2 barn av første gifte og 1 av andre:

1. Guri Mikkelsdotter, gift med Tarald Erikson (31.).
2. Kirsten Mikkelsdtr. skulle bu hjå verbroren Tarald Erikson.
3. Ivar Mikkelson (sjå om han Tingbok III side 126).

24. Sven Svenson I var son til Sven Einarson Lende og bror til 15. Han var fødd kring 1637 og budde på Risa i 1701. Truleg har han teke over bruket etter broren Einar, då han flutte til Lende. Kona er ukjend, men me veit om ein son:

1. Hans Svenson Risa, f. 1682 (39.).
2. Sven Svenson Risa døde i Time 1754, 77 år?)

25. **Torsten Halvardson**, son til 14., var fødd kring 1640. Han var gift med dotter til Sven Simonson Tjensvoll i Time og syster til Simon Svenson Bø (Bø 36.). Torsten brukte 6 spand i 1701. Eg har ikkje funne noko skifte etter korkje Torsten eller kona, og av barna veit me om 2 søner:

1. Helge Torstenson Bø, f. 1662 (Bø 37.).
2. Halvard Torstenson Risa (32.).

26. **Johannes Risa** var død kring 1688. Han hadde vore gift med Berit Torgiersdotter, som seinare vart gift med Hans Ivarson Risa (28.). Eg undrast om Johannes er den same som Jon Risa, nemnd i skifte etter Johannes Lende i 1676. — Berit Torgiersdotter hadde ein son som heitte Lars Johannesson, og ei dotter, Astrid Johannesdtr.

27. **Halvard Halvardson**, bror til 25., var fødd kring 1644. Han var gift med Guri Rasmusdotter, som der var skifte etter 24-1 1708. Det er uvisst kvar ho var frå. Halvard brukte 6 spand i Risa i 1701. Han og broren Torsten hadde skift faren sine 12 spand. Han hadde 4 barn.

1. Halvard Halvardson Risa, f. 1678 (33.).
2. Rasmus Halvardson, f. 1680, gift med Anna Ivarsdotter. Budde på Tunheim.
3. Ola Halvardson, f. 1688, gift m. Marit Ivarsdtr. Skjæveland, Horpestad. Budde på Høyland i Time.
4. Joron Halvardsdtr.

28. **Hans Ivarson Risa**, son til 20., var fødd kring 1663, død 1733, skifte etter han 10-12 det året. Han var gift 1) med enkja etter Johannes Risa, Berit Torgiersdtr., gift 2) med Ingeborg Olsdtr. Det er uvisst kvar noken av dei var frå. Hans brukte $\frac{1}{2}$ pund som Lye prestebol "nyder allene". Me veit ikkje kva tid Hans Ivarson døde, men han levde i 1733. Der er nemnd 3 barn i første gifte og 4 i andre:

1. Johannes Hansson, f. 1689, d. før 1718.
2. Berit Hansdtr., død før 1733.
3. Sven Hansson, d. før 1733, alle ugifte.
4. Ivar Hansson, f. 1703, gift med enkja etter Ingebret Svenson Mossige, Barbro Bjørnsdtr. Budde på Mossige.
5. Ola Hansson, f. 1706, gift med Maren Jonsdotter Haugland. Budde på Nere Haugland i Time.
6. Malena Hansdtr., gift med Rasmus Halvardson Risa (34.).
7. Hans Hansson Risa, f. 1717 (46.).

29. **Nils Nilsson** var son til Nils Toreson Njølstad (sjå der 5. 2.). Han var fødd kring 1681, død 1717, gift med enkja etter Jon Kristenson (21.), Marit Larsdotter. Dei hadde ikkje barn.

30. Omund Jonson Bø (sjå Bø 31. 1.) var fødd kring 1656, død 1718, skifte etter han 27-1 1719. Han budde på Risa i 1701 og brukte Mikkell Ivarson sine 12 spand. Han som hadde vore gift med Omund si syster (sjå 23.). I 1706 flutte Omund til Sør-Reime. Eg veit ikkje om han hadde vore gift då han var på Risa, men han vart seinare gift med Berit Omundsdtr. Reiestad (sjå Sør-Reime 13.).

31. **Tarald Erikson** — var gift med Guri Mikkelsdotter Risa (23. 1.). Det er uvisst kvar han var frå, men han var bror til Ola Erikson Friestad, og dei er nemnde i ei skriftesamling etter Berit Eriksdtr. Gudmestad 23-10 1730 (sjå under Tore Toreson Gudmestad). Truleg var han frå Anestad (sjå der 17.). Det er litt rart at ikkje meir enn ei dotter er nemnd i skiftet etter han, for Tarald Anestad hadde 3 søner?

Joron Taraldsdtr.

32. Halvard Torstenson, son til 25., var fødd kring 1678. Han var truleg gift med Gjøa Andersdtr. Mossige. Dei døde samstundes, og der var skifte etter begge 18-7 1749. Halvard hadde brukt 6 spand som han hadde teke over etter faren i 1702. — 3 barn:

1. Torsten Halvardson Risa, f. 1704 (35.).
2. Sven Halvardson Tjensvoll, fødd 1706, gift m. Malena Omundsdr. Tjensvoll. Budde på Tjensvoll i Time. (Malena gift 2) med Rasmus Endreson Tjensvoll.)

3. Rasmus Halvardson Risa, f. 1708 (34.).

33. **Halvard Halvardson**, son til 27., var fødd kring 1678. Han var enkjemann i 1758, og det er uvisst kven han hadde vore gift med. Han brukte 6 spand etter faren. Berre ein son er nemnd:

Halvard Halvardson Risa, f. 1716 (43.).

34. **Rasmus Halvardson**, son til 32., var fødd kring 1708, død 1734. Han var gift med Malena Hansdr. Risa (28. 6.) som og døde i 1734, skifte etter begge 2-8 det året. Eg veit ikkje om Rasmus brukte gard på Risa, men dei let etter seg ei dotter:

Bertha Rasmusdr., f. 1731, gift med syksenbarnet sitt, Omund Svendsen Tjensvoll. Dei budde på Åno (sjå Opstad 37.).

35. **Torsten Halvardson**, bror til 34., var fødd kring 1704, død 1782, gift i Time 4-3 1744 med Guri Aslaksdotter, f. 1718, d. 1778, dotter til Aslak Pederson Vestly og kona Astrid Ingebretsdtr. frå Braut. Torsten tok over 6 spand i Risa etter faren i 1741. Dei fekk 5 barn:

1. Peder Torstenson Risa, f. 1746 (53.).
2. Guri Torstensdr., f. 1748, gift med Mons Olson Braut.
3. Astrid Torstensdr., f. 1751, d. før 1778, ugift.
4. Halvard Torstenson Mauland, f. 1775, gift med enkja Malena Pedersdr. på Mauland.
5. Aslak Torstenson, f. 1760, gift 26-5 1811 med Kirsten Hansdr. Brekken i Varhaug (sjå Varhaug 74.).

36. **Jesper Simonson Sikvaland** var son til Simon Jespersion Indre Sikvaland i Gjesdal. Han var fødd kring 1687, gift 1) med Inger Pedersdotter, enkja etter Laurits Skjæveland i Bjerkreim, gift 2) med Lisbet Sivertsdotter, som der var skifte etter 26-9 1748. Jesper kom til Risa i 1719 og brukte 6 spand, truleg det same som Mikkil Ivarson og Omund Jonson hadde brukt. I Futerekneskapen står han som eigar av dei 6 spand. Etter 1748 kom han til Lindal til versonen Asbjørn Jonson. Han hadde 2 barn i andre gifte:

1. Simon Jespersion Risa, f. 1722 (37.).

2. Inger Jespersdr., f. 1732, gift med Asbjørn Jonson Lindal (sjå Lindal 8. og Risa 38B.).

37. Simon Jespersion, son til 36., var fødd kring 1722. Gift med Inger Toresdotter frå Øvre Håland i Time, fødd 1725, død 1789. Simon arva 3 spand i Risa etter faren i 1748. I 1750 selde han dei 3 sp. til verbroren, Asbjørn Jonson, som hadde fenge andre 3 sp. i arv med kona. I 1758 er Simon Jespersion på Sæland i Time. Både Simon og Inger døde på Gjertholen i Varhaug (sjå Voll 45.).

38. Anders Svenson — var son til Sven Andersson Mossige og bror til Ingebret Svenson Mossige. Han var fødd kring 1680. Gift 1701 med Malena Ivarsdotter Risa (20. 4.). Han tok over 12 spand i Risa, truleg etter vermora, Siri Hansdr. i 1701. I Futerekneskapen 1725 er denne merknad sett ved bruket: "Denne part hører ikke til Lye Prestebol, vil eftersøges hvem eieren dertil er." Der er ikkje noko skifte etter korkje Anders eller Malena, men ved skiftet etter dottera Malena, 15-12 1741, får me vita at der var 4 systre:

1. Malena Andersdr., d. 1741, ugift.
2. Guri Andersdr., fødd 1707, gift med Osmund Svenson Risa (42.).
3. Marit Andersdr., fødd 1708, gift med Ola Johannesson Holen i Time.
4. Siri Andersdr., fødd 1711, gift med Jesper Olson Mossige.

38B. Asbjørn Jonson Bjorheim (Bjorheim i Varhaug 9. 1.). Han var fødd kring 1728 og døde på Lindal i 1793. Asbjørn var gift med Inger Jespersdotter Risa (36. 2.) og tok over 3 spand i Risa med kona og 3 spand som han kjøpte av verbroren, Simon Jespersion. I 1758 selde han bruket til Sven Svenson og flutte til Lindal.

39. Hans Svenson I, son til 24., fødd kring 1682, skifte etter han 29-4 1733, gift med Inger Osmundsdotter Tunheim. Han tok over 12 sp. etter faren i 1702, som Eivind Garborg åleine åtte. Dei hadde 3 barn:

1. Sven Hansson Risa, f. 1711 (44.).
2. Guri, gift m. Knut Eivindson Garborg.
3. Astrid, f. 1719, gift med Sven Ingebretson Mossige.

40. **Rasmus Johannesson** var son til Johannes Bjørnson Våland (Våland 7. 1.), fødd kring 1675, gift med Elen Johannesdr. Opstad (Opstad 21. 3.), fødd kring

1690. Rasmus kom til Risa i 1716 og brukte 12 spand som Peder Josefson Bø åtte åleine. Rasmus fekk skjøte på 9 spand i Garborg frå Gunnar Rasmusson Garborg i 1730. I 1731 fekk han skjøte på 6 sp. i Grøtheim i Time frå Elisabet Jonsdtr. Opstad (sjå Risa 21. 1.). Skifte 7-3 1744. Rasmus og Elen Risa hadde 4 barn:

1. Marit, f. 1721, gift med Sven Svenson Risa (47.).
2. Astrid, f. 1723, gift med Eivind Mikkelson Mossige.
3. Johannes, f. 1726.
4. Malena, fødd 1728, gift 1) med Sven Olson Tunheim, gift 2) med Ola Olson Torland (Torland 36.).

Rasmus Johannesson si dødsbu åtte 12 sp. i Opstad, 9 sp. i Garborg og 6 sp. i Time.

41. Peder Johannesson var son til Johannes Olson Grøtheim i Time. Han var fødd kring 1685 og kom til Risa i 1709 der han brukte og åtte 6 spand. Det er uvisst kva det var for ein part, men det kunne vore av dei 12 spand som Tarald Erikson hadde etter Mikkel Ivarson. Og så har vel Jesper Simonson hatt dei andre 6 spand. Peder er nemnd i futerekneskapen i 1723/33.

42. Osmund Svenson var son til Sven Svenson Tunheim og Maren Osmundsdr. Faren, Sven Svenson, døde på Tunheim i 1754. Mora var syster til Inger Osmundsdr. som var gift med Hans Svenson. Osmund var fødd kring 1708, og han levde ennå i 1778, gift med Guri Andersdr. (38. 2.), fødd kring 1707, skifte 20-10 1780. Osmund var død då. Han brukte og åtte 12 sp. etter Anders Svenson. Dei hadde 4 barn i 1758, men berre 2 levde i 1780:

1. Maren, f. 1733, gift med Peder Larsen Grøtheim i Time.
2. Anna, var død før 1780. Ho hadde vore gift med Ola Olson Litle Undheim.
3. Anders Osmundson Risa, fødd 1743 (sjå 56.).
4. Sven Osmundson, f. 1750, d. før 1780.

43. Halvard Halvardson III, son til 33., fødd kring 1716, død som fattiglem på Risa 19-5 1790, gift med Ingeborg Tørresdr., fødd kring 1698. Halvard fekk skjøte av faren på 6 sp. i Risa 29-11 1747. Eg veit ikkje noko om Ingeborg Tørresdr. Enkja etter Taralf Erikson (31.) var til huse hjå Halvard i 1758. I 1761 selde Halvard Halvardson 6 sp. i Risa til ein

Ola Torson (Trondson?). Eg har ikkje funne at Halvard hadde barn.

44. Sven Hansson Risa I, son til 39., fødd kring 1711, gift 1734 med Gitlaug Eivindsdr. Garborg, — dotter til Eivind Sveinson Garborg og Gitlaug Knutsdr. Ho var fødd kring 1711, d. 1777, skifte etter henne 6-2 det året. Sven Hansson brukte og åtte 12 sp. frå 1742 til kring 1775. Det var nok framleis dei Garborg som åtte godset i denne parten, som me skal sjå seinare. Sven og Gitlaug fekk 7 barn:

1. Inger, f. 1738, gift 1) med Torkel Larsen, gift 2) med Lars Olson (Aniksdal 40. og 41.).
2. Hans Svenson Risa, f. 1736 (50.).
3. Eivind, f. 1741, d. før 1777.
4. Gitlaug, f. 1747, gift med Sven Torgerson Garborg.
5. Maren (Marta?), fødd 1750, gift med Sven Svenson Risa (51.).
6. Guri, f. 1751, gift med Simon Ivarson Mæland i Varhaug (Mæland 22.).
7. Anna, f. 1757, gift med enkjem. Gitle Rasmusson Varhaug (S-Varhaug 58.).

45. Tolleiv Ørjenson var son til Ørjen Gjermundson Vettaland i Ognå og kona Berit Pedersdr., fødd kring 1700, død på Gausland 1771, gift med Elen Stigsdr. Tolleiv brukte 6 sp. på Risa 1742/57 som Rasmus Johannesson Sørbo åtte. Denne Rasmus Sørbo åtte mykje jordegods på Jæren, dei 6 sp. som Peder Johannesson (41.) hadde hatt, og så har vel Tolleiv Ørjenson byksla av Rasmus Sørbo. Seinare budde Tolleiv som husmann på Gausland (Gausland 14.). Ikkje barn.

46. Hans Hansson Risa I, son til 28., fødd kring 1717, gift 1) med Marit Ingebretsdtr. Mossige, fødd kring 1716, død 1760, dotter til Ingebret Svenson Mossige og Barbro Bjørnsdr., gift 2) med Anna Toresdr. Gudmestad, fødd kring 1738, død 29-4 1822 (Gudmestad 15. 5.). Hans brukte 12 sp. frå 1733 til 1787 som Lye prestebol åtte. Han hadde 6 barn i første gifte og 7 i andre:

1. Ingebret Hansson Gausland, f. 1736 (sjå Gausland 12.).
2. Rasmus Hansson Tunheim, f. 1744, gift 1) 1770 med Malena Torgersdr. Tunheim, gift 2) med Malena Rasmusdr., gift 3) 1802 med Ranveig Olsdr. Lende, gift 4) 21-5 1817 med Anna Kirstina Olsdr. Sæland.
3. Malena, f. 1747, gift med Helge Asbjørnson Bø (Bø 61.).

4. Ingeborg Hansdtr., f. 1750.
 5. Barbro, f. 1755, d. av nervefeber på Haa prestegard 21-12 1827, — truleg ugift.
 6. Sven Hansson Næsheim, f. 1757 (sjå Næsheim 67.).
 7. Tore Hansson Haugland, f. 1762, gift med Gurine Nilsdtr. Bø (Næsheim 53. 3.).
 8. Hans Hansson Risa, f. 1766 (59.).
 9. Sven Hansson d. y. Budde på Verket under Hetlands prestegard.
 10. Tore Hansson d. y., f. 1773, gift med Anna Josefsdtr. Time. — Budde på Digernes under Hetland prestegard.
 11. Rasmus Hansson d. y., f. 1770. Budde på Hetland prestegard.
 12. Abraham Hansson Høyland, f. 1780 (sjå Høyland 89.).
 13. Marta, f. 1775, gift 1801 med Simon Simonson Grøtheim i Time. Budde på Søre Auglend i Time. Deira dotter, Anna, gift med Andreas Andreasson Lode (Lode 49.).
47. Sven Svenson d. e. II, son til Sven Svenson Tunheim og Maren Osmundsdr. Bror til 42. Han var fødd kring 1711, skifte etter han 19-6 1780, gift m. Marit Rasmusdotter Risa (40. 1.), fødd kring 1721, død 6-4 1799. Sven kjøpte 6 spand av Asbjørn Jonson i 1758. I 1768 kjøpte han 6 sp. av Anders Andersson Austrått, som kona hans, Maren Rasmusdotter, hadde arva etter faren, Rasmus Johannesson Sørbo. Samstundes kjøpte han odelsretten til dei 6 sp. av Simon Jespersen (37.). I 1753 hadde han kjøpt 8 sp. i Opstad av broren Johannes og systrene Astrid og Malena. Sven og Marit hadde 7 barn:
1. Sven Svenson Risa, f. 1749 (51.).
 2. Johannes Risa (55.).
 3. Rasmus, fødd 1755, tente hjå broren Johannes i 1801.
 4. Sven Svenson d. y., f. 1756, tente på Njølstad i 1794.
 5. Maren Svendsdr., f. 1759, død på Bratland 26-11 1836, ugift.
 6. Erik Svenson, f. 1762, gift i Stavanger 11-1 1798 med Olina Larsdtr. Årsvoll. Han var handelsmann i Stavanger.
 7. Elen Svendsdr., f. 1765, gift med Hans Hansson Risa (59.).
48. Ola Toreson (Trondson?) Tysland kjøpte 6 sp. av Halvard Halvardson (43.) i 1761. Han var truleg den Ole Toreson Helle som var gift i Bjerkreim 23-6 1754 m. Gjertrud Nilsdtr. Tysland. I 1765 selde Ole Toreson 6 spand i Risa til Simon Jespersen som atter selde til Sven Svenson i 1771 (sjå før). Og atter ser me at Ola Toreson og kona avstår 6 spand i Risa til Hans Svenson i 1769.
49. Rasmus Svenson flutte til 6 spand i Risa i 1771, som Simon Jespersen flutte frå. Rasmus hadde kjøpt av Simon for 106 dalar. I 1776 selde Rasmus dei 6 spand til Gabriel Helmikson på Sandnes. Rasmus hadde lånt pengar av han mot pant i garden. Kva dette kunne vore for ein Rasmus Svenson, veit eg ikkje. Han budde visst seinare på Sele i Klepp.
50. Hans Svenson II (44. 2.), fødd kring 1736, skifte etter han 28-2 1776, gift med Marta Tollaksdotter Aniksdal i Varhaug (sjå der 35. 3.), fødd kring 1739. Hans Svenson byksla 6 spand i Risa av Anders Andersson Austrått i 1761. Det var truleg den parten som Sven Svenson (47.) kjøpte i 1768. — Men i futerekneskapen står at Hans Svenson tok over 6 spand som Ola Trondson (48.) avstod til han i 1769. Då Hans var død, gifta enkja seg att med Sven Taraldson. Hans Svenson og Marta Tollaksdr. fekk 5 barn:
1. Gitlaug, f. 1761, gift med Salve Larsen Kanaheia (Opstad 50.).
 2. Berta, fødd 1764, gift 1787 med Ivar Erikson Tvihaug (Tvihaug 20.).
 3. Sven Hansson, f. 1769, gjorde odelskrav på bruket til farfaren (44.) som Sven Svenson d. y. (51.) brukte, i 1779, og lyste pengemangel. Eivind Nilsson Mossige var då formyndaren hans. — Dette odelskravet vart nok aldri stetta, og me veit ikkje kvar det sidan vart av Sven.
 4. Tollak Hansson, f. 1772. Han reiste til Bergen og var skomakar der, gift m. Kirstine Knutsdotter. Av barna deira veit me om 2: 1. Karoline Martine, f. i Bergen 1802, gift med Ola Olson Høyland (sjå Høyland 71.). 2. Berta Kirstine Tollaksdr., f. i Bergen 1805, gift i Stavanger 9-11 1830 med Ola Larsson Haua.
 5. Eivind Hansson (sjå Lindal 18.).
51. Sven Svenson d. y. III (47. 1.), fødd 1749, død 5-5 1836, gift med Marta Svendsdr. Risa (44. 5.), fødd 1750. Sven Svenson kjøpte 12 spand i Risa i 1775 av Knut Eivindson Garborg, Sven Eivindson Braut og Eivind Eivindson Re. Det var denne parten som Sven Hansson gjorde odelskrav på (sjå 50. 3.). Sven kjøpte 5 spand i Opstad av brørne Sven og Erik og systera Elen i 1797. Dei fekk 5 barn:

1. Sven Svenson Risa, f. 1776 (61.).
2. Gitlaug Svensdtr., f. 1779, jift 1799 med Nils Eivindson Tjensvoll, gift 2) med enkjemann Sven Andersson Risa (58.).
3. Sivert Svenson, f. 1784. Han hadde ei dotter u. e.: Kristine Sivertsdtr. Håland, — gift med enkjemann Gabriel Torjusson Gausland (sjå Gausland 29. og Kvia 45.).
4. Marta Svensdtr., f. 1787, d. 1789.
5. Sven Svenson, f. 1793, d. 1798.

52. Halvard Olson var truleg son til Ola Halvardson Høyland i Time. Han var fødd kring 1728, død på Risa 17-1 1819. Gift 1) 1757 med Marta Laurensia Ellingsdotter Garpestad, f. 1726, d. 1765, gift 2) 17-3 1766 med Elen Eriksdotter Fotland, f. 1740, d. på Risa 12-12 1805. Med den første kona budde han på Høyland i Time. Seinare ser det ut til at han har butt på Nedre Haugland og på Tegle. Til Risa kom han kring 1778, då han byksla 6 spand i Risa av Gabriel Helmikson Sandnes (sjå under 49.). Halvard hadde 3 barn i første gifte og 7 i andre:

1. Marta Halvardsdtr., f. på Høyland 1758, gift med Josef Høyland.
2. Elling Halvardson, f. 1760, d. på Sandnes 27-10 1847, gift 1) i Stavanger 3-4 1793 med Berta Rasmusdtr. Njærheim, f. 1756, d. på Nærbø 1805 (sjå Njærheim 68. 3.), gift 2) i Nærbø 25-9 1807 m. Ester Rasmusdtr. Njærheim, f. 1780 (Njærheim 75 2.). Han var gjestgjevar og handelsmann på Sandnes (sjå Folk på Sandnes side 309).
3. Ola Halvardson, f. 1761, d. same året.
4. Erik Halvardson, f. på Tegle 1767, gift 24-5 1818 med Berta Pedersdtr. Skrettingland (sjå Primstad i Varhaug 8.).
5. Ola Halvardson Rimestad, fødd 1769 (Rimestad 38.).
6. Marta Halvardsdtr., f. 1772, d. før 1806.
7. Laurensia Halvardsdtr., f. 1773, d. på Risa 5-1 1886, ugift.
8. Lisbet Halvardsdtr., f. 1775, d. 1776.
9. Lars Halvardson, fødd på Risa 1779 (62.).
10. Lisbet Halvardsdtr., f. 1786, gift 23-11 1823 med Kristian Torkelson Våland (Våland 17. 1.).

53. Peder Torstenson, son til 35., f. 1746, d. 23-8 1804, gift med Anna Olsdotter Hognestad og kona Anna Halvardsdtr. Peder kjøpte 2 spand av brørne Halvard

og Aslak i 1788. Han brukte dei 6 spand som faren hadde hatt og åtte alt i 1789. 3 barn:

1. Torsten, f. 1781.
2. Guri, f. 1783, d. før 1804.
3. Ola Pederson Risa, f. 1785 (64.).

54. Sven Taraldson var son til Tarald Eivindson Torland (Torland 24.), f. 1748, d. 3-3 1829, gift med enkja etter Hans Svenson (50.), Marta Tollaksdotter (d. 1825?). Sven Taraldson byksla 12 sp. av Sven Svenson d. y. (51.) i 1776 etter Hans Svenson. I 1794 kjøpte han 6 sp. av Sven Svenson, Erik Svenson og Elen Svensdtr. (47. 4., 6., 7.). Asbjørn Risa og Rasmus Sørbø åtte 6 sp. kvar av Sven Taraldson sitt bruk 1778/89? I 1801 åtte Johannes Risa og Hans Andersson Risa? dei 6 sp. og Sven Taraldson dei andre 6. Frå 1811 åtte Sven T. alt, 12 sp. Sven T. og Marta fekk 2 søner:

1. Hans Svenson Risa, f. 1779 (63.).
2. Eivind Svenson, f. 1785, gift 12-10 1817 med Gjertrud Malena Pedersdtr. Våland frå Norheim i Time. Budde på Eikeland i Oгна, seinare på Stølane under (Håland i Varhaug 50.).

55. Johannes Svenson, son til 47., f. 1752, d. 16-11 1818, gift 1) i Time 24-12 1780 med Ranveig Nilsdtr. Mossige, f. 1754, d. ikkje lenge etter, truleg på barnseng, gift 2) 8-3 1784 med Ingeborg Torgersdotter Garborg, f. 1757, d. 22-10 1820, dotter til Torger Gunnarson Garborg og Anna Svensdtr. Johannes byksla 12 sp. av Peder Josefson Hobberstad i 1780. Han hadde 6 barn i andre gifte:

1. Sven Johannesson Risa, f. 1785 (sjå 65.).
2. Ranveig, f. 1786, d. 14-4 1819, gift 7-6 1818 med Helge Helgeson Anestad (sjå Anestad 45. 5.).
3. Else, f. 1-2 1789, d. 9-6 1792.
4. Marta, f. 24-2 1792, gift 4-10 1818 med Ola Torkelson Tunheim.
5. Else, f. 1794, gift 10-3 1816 m. Rasmus Osmundson Garborg (sjå Bratland i Varhaug 21.).
6. Taletta, f. 20-11 1796, gift med Jon Rasmusson Opstad (Opstad 52.).

56. Anders Osmundson, son til 42, fødd kring 1743, død 7-5 1787, skifte 21-6 s. å., gift med Maren Svensdtr. Mossige, fødd 1747, død 1-1 1820, dotter til Sven Ingebretson Mossige og kona Astrid Hansdtr. frå Risa (sjå 39. 3.). Maren gift 2) med Lars Larsson (57.). Anders brukte 12 sp. etter faren. Han fekk 4 barn:

1. Guri, f. 1775, gift 1802 med Johannes Osmundson Garborg.
2. Astrid, fødd 1777, gift 20-2 1801 med Ingebret Simonson Grøtheim i Time.
3. Sven Andersson Risa, f. 1781 (58.).
4. Osmund, f. 1785.

57. **Lars Larsson**, fødd kring 1740, gift 10-2 1788 med enkja etter Anders Osmundson, Maren Svensdtr. Han kjøpte 6 sp. av stykbarna i 1788, dei andre 6 fekk han med kona. I 1799 selde han 12 sp. til styksonen, Sven Andersson, og flutte til Helland i Time. Lars og Maren fekk 2 barn på Risa:

1. Anna Maria, f. 7-12 1788, gift 20-11 1814 med Ola Tolleivson Arrestad. — Budde på Helland.
2. Asselina, f. 26-12 1790, gift 9-6 1816 med Sven Berntson Undheim.

58. **Sven Andersson I**, son til 56., f. 1781, d. 16-10 1839, gift 3-3 1802 med Joron Omundsdtr. Garborg, f. 1777, d. 30-11 1815, dotter til Omund Olson Garborg og kona Anna Jonsdtr. Njå. Sven kjøpte 12 spand av stykfaren, Lars Larsson, i 1799. Den 8-11 1822: "Sevn Anedrsen Rise forpligter sig til at give sine tilkommende svigerforeldre, Gunder Tollefsen Arrestad og Johanna Pedersdtr. arleg folge av sine eiende, ifølge skjøde af d. d., 6 sp. i Arrestad." Etter det vart Sven gift 2) 1823 med dotter til Gunnar Tolleivson Arrestad og Johanna Pedersdotter frå Kvia. Men då ikkje dei hadde sams barn måtte det vore Johanna si dotter med første mannen, Skiljan Larsson. Og kanskje var det Astrid Skiljansdtr. Gift 3) 27-3 1828 med enkje Gitlaug Svensdotter Tjensvoll (Risa 51. 2.). Sven Andersson hadde 5 barn i første gifte:

1. Maren, fødd 17-7 1803, gift 1824 med Bernt Berntson Auglænd i Time.
2. Anders Svenson Risa, fødd 9-12 1806 (67.)
3. Omund, f. 19-5 1808, gift 2-11 1843 med Agnette Johannesdtr. Holen. — Budde på Vatne og Soma i Høyland.
4. Anna, f. 4-11 1810, gift 25-5 1834 med Simon Svenson Garborg (sjå Motland 21.).
5. Dorthé, f. 15-6 1813, gift 3-6 1844 med Peder Olson Sveine (sjå Opstad 67.).

59. **Hans Hansson III**, son til 46., fødd kring 1766, død 20-6 1804, skifte 2-10, gift 1) 21-1 1794 med Elen Svensdtr. Risa, fødd kring 1765, d. 14-10 1794 (47. 7.), gift 2) 21-6 1795 med Anna Rasmusdtr. Opstad, fødd kring 1763, d. 11-1 1851

(Opstad 33. 7.). Hans byksla 12 sp. i Risa av Jens Bull på Lye i 1787. Då han var død gifta Anna seg med Kristian Jespersion. — Hans fekk 4 barn i andre gifte:

1. Elen, f. 31-7 1796, gift 6-12 1813 med Rasmus Larson Kvia (Opstad 54.).
2. Hans Hansson Risa, f. 2-3 1800, d. 25-5 same året.
3. Rasmus Hansson Risa, fødd 27-9 1801 (69.).
4. Hans Hansson Risa, f. 10-5 1804 (70.).

60. **Kristian Jespersion** var son til Jesper Torkelson Taksdal og kona Maren Tørresdtr., f. på Serigstad 1778, d. på Risa 8-1 1857, gift 18-6 1808 med enkja etter Hans Hansson, Anna Rasmusdotter. — Kristian byksla dei 12 sp. av Lyepresten Simon Balder i 1810. I 1836 fekk han skjøte på dei 12 sp. i Risa for 400 spd. Ikkje barn.

61. **Sven Svenson IV**, son til 51., fødd kring 1776, død 3-11 1833, gift 4 advend 1801 med Inger Larsdtr. Håland, f. 1781, d. 11-11 1857 (Store Håland 15. 2.). Sven kjøpte 12 sp. av faren i 1818 for 120 spd. Dei fekk 10 barn:

1. Maren, f. (dpt.) Påskedag 1802, gift 25-2 1823 med Ingebret Larsson Fosse i Time.
2. Anna Malena, f. 5-1 1804, d. 26-8 1805.
3. Anna Malena, f. 28-2 1806, gift 16-3 1834 med Peder Pederson Tvihaug (sjå Njærheim 106.).
4. Marta Svensdtr., f. 29-6 1808, gift 15-3 1829 med Tollef Nilsson Herikstad i Time.
5. Inger Svensdtr., f. 1811, gift 26-3 1835 med Lars Mikkelson Høyland (sjå Høyland 101. 2.).
6. Sven Svenson Risa, f. 24-3 1813 (68.).
7. Rakel Serina Svensdtr., f. 9-7 1818, d. på Bjorhaug 8-1 1890, ugift.
8. Elisabet Svensdtr., f. 6-10 1820, reist til Særheim i Klepp i teneste i 1846. Ho fekk ein son u. e.: Rasmus Rasmusson, f. 13-4 1848, gift 1869 med Rakel Elisabet Olsdtr. Odland (sjå Odland, Varh. 43. 3. og Sørbø i Høyland under 31.).
9. Sofia Svensdtr., f. 30-4 1823.
10. Lars Svenson, fødd 24-6 1825, gift i Stavanger 3-12 1862 med Anna Olsen frå Mandal. Han var handelsmann i Stavanger.

62. **Lars Halvardson Risa**, son til 52., var fødd på Risa kring 1779, død 3-10 1839. Gift 1806 i Time med Berta Andersdtr.

Oma, fødd 1781, død 21-11 1865, dotter til Anders Josefson Store Oma i Time og kona Anna Knutsdr. frå Reiestad i Varhaug (sjå der 18. 5.). Lars Halvardson kjøpte dei 6 spand i Risa av lensmann Jonas Gabrielson i Høyland i 1806 for 250 dalar. Dei fekk ikkje bam. — Anna Malena Olsdr. Berland, som var systerdotter til Berta Andersdr., fekk garden etter Lars Halvardson. Ho vart gift med Sigbjørn Lindal (71.).

63. **Hans Svenson III**, son til 54., var fødd kring 1779, død 5-6 1856, gift 24-2 1811 med Gitlaug Pedersdotter Undheim, fødd 1788, død 26-2 1875, — dotter til Peder Roaldson St. Undheim og kona Barbro Pedersdr. Hans Svenson kjøpte 12 sp. i 1802 med skjøte frå Johannes Svenson, Maren Svensdr. og Sven Taraldson for 96 dalar med følge til faren Sven Taraldson. Hans Svenson og Gitlaug fekk 8 barn:

1. Marta Hansdr., f. 18-12 1811, gift 9-6 1842 m. Johannes Abrahamson Tjøtta i Klepp.
2. Sven Hansson, f. 12-9 1814, d. 25-1 1815.
3. Berta Hansdr., f. 14-12 1816, gift 31-5 1843 med Andreas Toreson Frøyland i Time.
4. Ingeborg Gurine Hansdr., f. 4-9 1819, gift 19-5 1847 med Jonas Ellingson Frøyland i Time.
5. Sven Hansson Risa, f. 22-4 1822 (73.).
6. Taletta Hansdr., f. 22-2 1826, gift med Elling Ellingson (76.).
7. Rakel Hansdr., f. 20-1 1829, gift med Ola Olson (75.).
8. Hans Hansson, f. u. e. 8-3 1810, gift 28-3 1833 med Anna Berte Tollaksdr. Skjærpe (sjå Skjærpe 20. 2.).

64. **Ola Pederson Risa**, son til 53., var fødd i 1785, død 31-1 1869, gift 15-6 1817 med Ane Berte Omundsdotter Ueland i Varhaug (sjå der 33. 4.). Ho var fødd 26-6 1796, død 24-4 1876. Ho var syskenbarn til Hans Svenson (63.). Ola Pederson tok over dei 6 spand av faren i 1809. Dei fekk 4 barn:

1. Anne Gurie Olsdr., f. 27-3 1818, gift 17-11 1842 med Adne Olson Lindal (Lindal 22.).
2. Peder Olson Risa, f. 20-1 1820 (82.).
3. Tabitta Olsdr., f. 1-5 1834, gift med Sven Andersson (79.).
4. Omund Olson, d. 2-4 1837, d. 5-5 1867, ugift.

65. **Sven Johannesson**, son til 55., f. 1785,

gift 1) i Time 17-3 1820 med Elisabet Nilsdotter Serigstad, f. 1794. Sven var på Risa i 1820. Sidan kom han til Holen i Time og var gift 2) med Inger Mortensdotter Holen. I 1842 selde Sven Johannesson i Stavanger 12 spand i Opstad til Rasmus Jonson. Truleg har dette vore Sven Johannesson Risa. Han hadde ein son u. e. Sven Svenson Opstad, f. 17-7 1803 (Opstad 63.).

66. **Peder Josefson Ånestad**, son til Josef Pederson Ånestad i Varhaug og kona Guri Olsdr. (sjå Ånestad 57. 2.). Han var fødd 23-2 1800, død 9-11 1874, gift 18-3 1821 med Gunvor Isaksdr. Opstad, fødd 1-1 1802, død 4-10 1887 (Opstad 43. 1.). Peder Josefson byksla dei 12 spand i Risa av faren i 1821, etter Johannes Svenson. I 1839 fekk han skjøte på det same av faren for 400 dalar. Peder og Gunvor Risa hadde 9 barn:

1. Jonas Pederson Risa, f. 30-9 1822, død som folgemann på Risa 25-12 1901, ugift. Han hadde ein son u. e.: Jonas Jonasson, f. 9-9 1846 (Høyland 146.).
2. Isak Pederson Risa, fødd (1827?) (sjå 93.).
3. Marta Pedersdr., f. 28-8 1829, gift 8-4 1863 med Gunnar Jonson Opstad (Opstad 76.).
4. Anna Pedersdr., f. 22-8 1834, gift 19-4 1865 med Jon Olson Torland (sjå Torland 65.).
5. Grete Pedersdr., f. 24-4 1832, gift 18-3 1858 med Rasmus Toreson Gudmestad (Gudmestad 29. 4.).
6. Guri Pedersdr., f. 27-12 1839, gift 5-11 1863 med Erik Larsson Tvihaug i Varhaug (sjå der 35.).
7. Ole Johannes Pederson, f. 15-4 1843, gift i Mandal, der han var skuleinspektør.
8. Peder Pederson Risa, f. 5-4 1837, gift i Stavanger 17-2 1868 med Ingeborg Maria Johannessdr. Tjensvoll. Han var handelsmann i Stavanger.
9. Rasmus Pederson Risa, f. 20-2 1846. Han var bygningsmann i Stavanger, ugift.

67. **Andres Svenson**, son til 58., f. 9-12 1806, d. 13-8 1884, gift i Time 4-4 1830 med Grete Guria Svensdr. Garborg, f. 1-9 1811, d. 18-9 1892, dotter til Sven Svenson Garborg og kona Ranveig Simonsdr. frå Mæland i Varhaug. Sven fekk skjøte på 6 sp. av faren i 1829 for 200 spd., og på andre 6 sp. i 1838 for 200 spd. + følge. Dei fekk 10 barn:

1. Jorina, f. 20-1 1831. Ho var ugift, men

- hadde ei dotter: Justine Toresdr., f. 24-2 1864.
2. Sven Andresson Risa, f. 12-7 1832 (79.).
 3. Rakel Serina, f. 5-1 1835, gift 25-3 1858 med enkjem. Ola Jonson Næsheim (sjå Bø 89. og Sør-Reime 28.).
 4. Gurina, f. 15-6 1837, gift 10-4 1866 med Hans Omundson Øvre Haugland i Time.
 5. Hanna Karlotte, f. 22-1 1839, gift 2-11 1865 med Jon Jonson Næsheim (Næsheim 84. 5.).
 6. Anna, f. 4-9 1841, gift 5-9 1867 med Ola Tønnesson Garborg.
 7. Sven A. Riise, f. 23-8 1843, gift i Stavanger 10-5 1876 med Ida Sofie Karlsen, f. i Egersund 15-12 1844. Han var handelsmann i Stavanger.
 8. Grete Guria, f. 25-8 1847, gift 24-9 1868 med Sem Simonson Motland (sjå Sør-Reime 31.).
 9. Maria, f. 3-6 1850, d. 15-2 1852.
 10. Maria, f. 3-5 1853, d. 16-12 1853.
- 68. Sven Svenson V**, son til 61., f. 24-3 1813, gift 9-11 1834 med Gitlaug Jakobsdr. Sæland, f. 7-6 1812, d. 27-7 1881 (sjå Sæland i Varhaug 14. 8.). Sven tok over 12 sp. etter faren eller mora i 1835. I 1840 selde han 6 sp. til Aslak Erikson (72.). Sven og Gitlaug fekk 10 barn:
1. Inger Serina, f. 4-10 1835, d. 15-4 1838.
 2. Sven Svenson Risa, f. 28-5 1837 (83.).
 3. Inger Serina, f. 27-3 1840, gift 19-11 1867 med Tønnes Arntson Brekken i Time.
 4. Grete, f. 16-3 1842., gift 22-11 1866 med Jakob Larsson Kverme i Ognå.
 5. Jakob, f. 3-9 1843, d. 12-2 1844.
 6. Sven Svenson d. y., f. 3-9 1843, tvilling med Jakob, gift i Stavanger 9-11 1876 med Elen Elisabet Tønnesen frå Sokndal, f. 27-7 1852. Han var handelsmann i Stavanger.
 7. Berta Gurina, f. 5-7 1845, — reist til Sandnes i 1861. Gift med Lars Larsen Vigre (Vigre 43. 4.).
 8. Taletta, f. 2-7 1847, gift i Stavanger 29-5 1868 med snikker Torkel Torgerson Tonstad frå Sirdalen. Han var bror til Torgrim Rugland i Varhaug.
 9. Justina, f. 19-4 1849, gift 27-6 1872 med Ivar Toreson Lima.
 10. Jakob, f. 19-4 1855, d. 9-4 1857.
- 69. Rasmus Hansson**, son til 59., f. 27-9 1801, d. 14-4 1895, gift i Time med Marta Malena Rasmusdotter Tunheim, f. 29-3 1812, d. 19-1 1900, — dotter til Rasmus Hansson Tunheim frå Risa og kona Ranveig Olsdr. (Risa 46. 2.). Rasmus og broren Hans kjøpte 6 sp. kvar av stykfaren, Kristian Jespersen, i 1852, for 100 spd. og halv følge kvar. Rasmus og Marta Malena fekk 7 barn:
1. Anna, f. 24-7 1835, gift 12-11 1857 med Nils Andreas Rasmusson Øvre Øksnevad i Klepp.
 2. Hans Rasmusson Risa, fødd 22-7 1837 (80.).
 3. Rakel, f. 15-10 1840, d. på Risa 15-6 1923, ugift.
 4. Rasmus, f. 1842, d. 6-11 1922. (Kjørar i Stavanger?) Gift med Marta Olson. (Sjå Folk på Sandnes Nr. 1134.)
 5. Kristian Gabriel, f. 20-1 1844, gift 1) i Stavanger 11-10 1874 m. Anna Sofia Olsdotter Rimestad (Rimestad 54. 2.), gift 2) i Stavanger 22-3 1889 med Malena Larsen frå Hjelmeland, f. 1843. Han var fyrbøtar på gassverket i Stavanger.
 6. Rasmus d. y. (sjå Folk på Sandnes Nr. 1157?), f. 7-5 1849, gift i Stavanger 22-1 1875 med Marta Eriksen, f. i Stavanger 16-11 1845. Han var matros.
 7. Rakel Maria, f. 14-9 1854, gift 1-5 1884 med Ola Jakobson Årdal (sjå Bø 133.).
- 70. Hans Hansson**, bror til Rasmus, var f. 10-5 1804, d. 14-3 1888, gift i Time 21-10 1846 med Berta Andersdr. Undheim, f. 13-10 1814, d. 18-1 1870, dotter til Anders Asbjørnson Undheim og kona Marta Svensdr. Hans fekk skjøte på 6 sp. av stykfaren, Kristian Jespersen, i 1852, for 100 spd. -f halv følge. Dei fekk 6 barn:
1. Hans Hansson Risa, f. 26-8 1847 (98.).
 2. Anna, f. 31-10 1849, d. 7-2 1923, ugift.
 3. Kristian, f. 12-12 1851, gift 9-11 1882 med Kirsten Einarsdr. Årslund (sjå Sveine, Opstad 85. og Motland 31.).
 4. Maria, f. 17-8 1854, d. 22-3 1877.
 5. Hanna Birgitte, f. 14-1 1858, d. 22-2 1858.
 6. Arnt, f. 1-11 1859, d. 27-11 1859.
- 71. Sigbjørn Olson** var son til Ola Sigbjørnson Lindal og Inger Ådnesdr. (Lindal 21. 1.), f. i Bjerkreim 19-4 1812, d. 19-3 1893, gift i Time 6-11 1839 med Anna Malena Olsdr. Berland, f. i Gjesdal 1820, d. 27-4 1896, dotter til Ola Hansson Berland og kona Malena Andersdotter frå Oma (sjå 62.). Sigbjørn fekk skjøte frå Lars Halvardson si dødsbu på 6 sp. i Risa i 1840 for 850 spd. + følge til enkja Berta Andersdr. Dei fekk 6 barn:
1. Lars Sigbjørnson Risa, f. 13-2 1841 (81.).
 2. Berta Elisabet, f. 6-6 1843, gift med

- Martin Rasmusson Mossige på Bryne.
3. Inger Jorina, f. 11-7 1846, gift 26-6 1871 m. Sven Svenson Håland (Vestre Håland 26.)
 4. Maren Kirstine, f. 10-7 1850, d. 19-2 1852.
 5. Ola, f. 19-5 1854, gift i Stavanger 23-3 1876 med Anna Maria Rasmusdotter Høgeli, f. i Stavanger 7-4 1856. Han var sjømann og kom bort på sjøen. Var visst los i Tananger. Enkja gift 26-1 1895 med enkjem. Omund Rasmusson (Rimestad 51.).
 6. Sikke Maria, f. 6-1 1863, gift 6-7 1886 med Gabriel Rasmusson Bjorheim (sjå Bjorheim i Varhaug 28.).

72. **Aslak Erikson Gimra**, fødd kring 1812, død på Høyland 15-4 1884, gift 14-11 1839 med Maren Elisabet Svensdtr. Gausland, f. 29-11 1812, d. på Høyland 10-1 1890 (Gausland 20. 6.). Aslak kjøpte 6 sp. i Risa av Sven Svenson (68.) i 1840 for 400 spd. I 1854 kjøpte han 12 spand i Næsheim og i 1854 kom han til Søyland. I 1875 var han husmann på Høyland. Eg veit om 4 barn:

1. Ingebret, f. 31-1 1841.
2. Nathalia, f. 24-12 1843, d. som fattiglem på Høyland 18-11 1893, ugift.
3. Sven, f. 10-7 1846.
4. Justine, f. 2-9 1849, d. på Høyland 21-2 1915, ugift. Ho hadde ein son: Valdemar Julius Johnsen, f. 8-7 1876.

73. **Sven Hansson**, son til 63., f. 22-4 1822, gift 24-9 1846 med Malena Ellingsdtr. Frøyland, f. 28-7 1821, dotter til Elling Johannesson Frøyland i Time og kona Maria Laurentsia Omundsdtr. Borsheim. Sven kjøpte 6 sp. av faren i 1848 for 300 spd. + halv følge. I 1853 selde han til Ola Lindal. Sidan budde han ei tid på Tjøtta og seinare på Kolheia under Re. Eg veit om 4 barn:

1. Grete Maria, f. på Risa 25-11 1847.
2. Hans, f. 27-7 1850, gift i Stavanger 2-10 1885 m. Regina Amalia Gabrielsdtr., f. i Mandal 1851.
3. Maren Elisabet, f. på Tjøtta 5-9 1852, gift 1875 m. Anfinn Gunnarson Line, f. 1842.
4. Elen, f. på Tjøtta 19-10 1854, gift med Tollef Andreasson Frøyland i Time.

74. **Ola Olson Bollestad** var son til Ola Pederson Bollestad i Gjesdal og kona Taletta Maria Torkelsdotter. Han var f. 1819, gift i Time 5-12 1841 med Malena Eriksdtr. Eikeland. Dotter til Erik Jakobson Eikeland frå Ånestad i Varhaug

og kona Ingeborg Jespersdtr. Eikeland. Ola kjøpte 6 sp. av Aslak Erikson i 1851 for 800 spd. I 1859 selde han ein part av bumarka til Sven Andersson, Isak Pederson og Ola Olson Are. I 1871 selde han resten av garden til Tolleiv Asbjørnson Undheim. 5 barn var fødde på Risa:

1. Malena, f. 1-7 1849, gift i Stavanger 29-8 1872 med sjøm. Ole Olson Vinge, f. på Sjernarøy.
2. Kristian, f. 18-3 1853.
3. Ezekiel, f. 15-8 1855.
4. Enok, f. 17-11 1857.
5. Olai, f. 17-6 1860.

75. **Ola Olson Lindal**, bror til 71., var fødd på Lindal 8-7 1823, død 1-10 1913. Gift 1) 17-6 1852 med Rakel Hansdtr. Risa (63. 7.), fødd 20-1 1829, død 11-2 1878, gift 2) 23-11 1894 med enkja Anna Olsdtr. Njærheim, fødd i Stavanger 1837, død på Risa 18-3 1926 (Njærheim 117.). Ola Lindal kjøpte 6 spand i Risa av verbroren Sven Hansson (73.) i 1853 for 400 dalar. — Han hadde 6 barn i første gifte:

1. Inger Olsdtr, f. 18-8 1853, gift 24-8 1876 med Jon Olson Taksdal. Budde på Eikeland i Time.
2. Ole Olson Risa d. e, f. 2-8 1856, d. 28-10 1903, gift 1) 20-11 1891 med Justine Svensdtr. Undheim, f. 9-2 1869, d. 10-2 1892, gift 2) 25-11 1893 med Anna Justine Johannesdtr. Horpestad, f. i Klepp 25-12 1869. Ola var slaktar på Nærbø (sjå Nærbø 38.).
3. Hans Mikal Olson, f. 5-12 1858, gift 1-1 1895 med Sille Maria Olsdtr. Undheim, f. 27-7 1868. (Budde i Hillevåg?)
4. Grete Olsdtr, f. 2-7 1861, gift 11-11 1886 med Peder Pederson Undheim.
5. Ole Olson Risa d. y, f. 15-11 1863 (sjå 99.).
6. Rakel Serina Olsdtr, f. 12-11 1866, gift med Ole P. Risa (88.).

(Ola Lindal hadde ein son u. e.: Ola Olson, f. 20-7 1849, — gift 2-4 1875 med Ingeborg Kirstine Olsdtr. Tunheim?)

76. **Elling Ellingson Frøyland** var son til Elling Johannesson Frøyland og Marta Laurentsia Omundsdtr. Han var fødd 6-1 1824, død 22-5 1902. Gift 1) 5-6 1851 med Taletta Hansdotter Risa, fødd 22-2 1826, død 19-4 1868 (63.), gift 2) 20-5 1869 med Kirsten Tollaksdtr. Gudmestad, fødd 9-5 1829, død 15-3 1899 (Gudmestad 27. 3.). Elling fekk skjøte på 6 spand i Risa frå Hans Svenson i 1851 for 150 dalar + halv følge. Han hadde 5 barn i første gifte:

1. Grete Maria Ellingsdtr., f. 2-9 1855, gift 27-11 1885 med Omund Olson Undheim (Risa 89.).
2. Lotte Ellingsdtr., f. 5-9 1858, gift 21-3 1882 med Bernt Olson Åse.
3. Hanna Ellingsdtr., f. 27-10 1860, gift 3-4 1883 med Jens Tobias Tobiasson Kvia (Kvia 39. 4.).
4. Hans Ellingson Risa, f. 6-9 1862 (95.).
5. Elen, f. 28-4 1864, d. 20-6 1864.

77. **Gabriel Omundson Årrestad** var son til Omund Svenson Årrestad frå Øksnevad og kona Ragnhild Larsdtr. Han var f. 11-5 1830, gift 7-7 1859 med Maria Gabrielsdtr. Skrutland, f. 20-3 1829, dotter til Gabriel Jonson Skrutland i Time og Ragnhild Kristine Jeremiasdotter frå Hodne. — Gabriel kjøpte bnr. 4 av Ola Bollestad i 1861. I 1865 selde han til Tolleiv Undheim og flutte til Sola (eller Soma?, Sømme?). 2 barn fødte på Risa:

1. Rakel, f. 21-2 1863.
2. Omund, f. 1-3 1865.

78. **Tolleiv Asbjørnsen Undheim** var son til Asbjørn Andersson Store Undheim og kona Guri Tolleivsdtr. Årrestad. Han var f. 26-3 1835, gift 10-4 1864 med Anna Taletta Torkelsdotter Undheim, f. 18-10 1842, dotter til Torkel Tolleivson Store Undheim og kona Anna Larsdtr. Tolleiv kjøpte bnr. 4 av Gabriel Omundson i 1865 for 600 spd. Han fekk skjøte frå Ola Olson Pollestad i 1871. I 1875 selde han Risa til Eivind Hansson og flutte til Kvia (Kvia 52.). Av dei 11 barna var 7 fødte på Risa, 2 på Kvia og 2 på Undheim:

1. Arnt Undheim, f. 26-5 1865, gift med Kirsten Tobiasdtr. Taksdal.
2. Grete Maria, f. 12-12 1866, gift med Ola Olson Tjåland.
3. Torkel Undheim, f. 29-9 1868, d. 23-11 1961, gift med Serina Tobiasdotter Taksdal. Budde på Taksdal.
4. Anna, f. 3-7 1870.
5. Tollef, f. 6-3 1872, gift i Montana m. Olina Rusdal, f. i Lund 12-8 1881.
6. Maria, f. 21-4 1874, gift med Josef Tjåland.
7. Lars, f. 18-2 1876, d. i Montana, ugift.
8. Sven Ingvald, f. på Kvia 23-2 1878.
9. Anna Teresia, f. på Kvia 27-2 1880.
10. Jonas, f. på Undheim.
11. Ola, f. på Undheim.

79. **Sven Andresson II**, son til 67., f. 12-7 1832, d. 28-10 1923, gift 27-6 1865 med Tabitta Olsdtr. Risa (64. 3.), f. 1-5 1834, d. 31-5 1889. Sven fekk skjøte av faren

på bnr. 6 i 1884 for 3200 kroner + følge til foreldra. Dei fekk 6 barn:

1. Grete Guria, f. 12-8 1866, d. 12-2 1872.
2. Anne Bergitte, f. 1-3 1868, gift med Sem Risa (97.).
3. Andreas, f. 5-2 1870, d. 13-8 1884.
4. Omund Olai, f. 30-12 1871, d. i Amerika.
5. Sigve Theodor Risa, f. 4-5 1874 (100.).
6. Grete Guria, f. 14-7 1876, gift 11-6 1910 med Simon Svenson Motland (Motland 28.).

80. Hans Rasmusson, son til 69., f. 22-7 1837, d. (i Stavanger?), gift 27-11 1862 med Maren Olsdtr. Dysjaland i Varhaug, f. på Heigrestad 1829 (Dysjaland 33. 5.). Hans hadde teke over bnr. 1 etter faren i 1865. Han var komen i stor skuld, og sleit hardt med å halda kravsmennene frå livet. I 1877 står Ola Olson Torland som brukar av denne parten. I 1890 står Ola Mathiasson Helland, og i 1892 Kristian Egeland. I 1893 står Ola Mathiasson Helland att, og i 1894 Ingebret Larsson Risa. I 1884 kjøpte sonen, Ola Hansson Risa bnr. 1 av faren for 3330 kroner, og i 1887 gjorde han buslit. Hans sjølv kom til Stavanger, og eg veit ikkje meir om han. 4 barn var døypte i Nærbø:

1. Ola, f. 2-2 1863, reist til Amerika.
2. Rasmus, f. 22-1 1868.
3. Ane, f. 1-8 1869, reist til Amerika.
4. Anna Maria, f. 15-10 1870.

81. Lars Sigbjørnson, son til 71., f. 13-2 1841, d. 10-3 (8-2?) 1903, gift 20-8 1868 med Guri Maria Ingebretsdtr. Høyland i Time, f. 20-11 1844, d. 3-10 1899, dotter til Ingebret Berntson Høyland og kona Anna Maria Jonsdtr. Taksdal. Lars fekk skjøte på bnr. 12 frå faren i 1880 for 2000 kroner + følge til foreldra. — Dei fekk 5 barn:

1. Sem Risa, f. 16-2 1870 (97.).
2. Ingebret Risa, f. 20-1 1873 (96.).
3. Lars, f. 9-2 1875, gift 1) 26-11 1898 m. Anna Maria Kristiansdtr. Høyland, f. 1873, d. 1921, gift 2) 1926 med enkja Inga Maria Lindegård. Budde på Høyland i Time.
4. Anna Maria, f. 28-12 1876, gift med Sigve Svenson Risa (100.).
5. Andreas Risa, f. 25-1 1880 (102.).

82. Peder Olson Risa, son til 64., f. 20-1 1820, d. 15-7 1895. Gift 1) 11-4 1867 med Malena Pedersdtr. BJORHEIM, f. 1-4 1838 (sjå BJORHEIM, Varh. 19. 1.), gift 2) 11-4 1878 med Akseliana Jonasdtr. BJORHEIM, f. 4-2 1855, d. 6-2 1937 (BJORHEIM 20. 3.).

Peder Olson fekk skjøte på 6 spand i Risa, bnr. 13, frå faren i 1853 for 250 dalar + folge. I 1868 kjøpte han eit utmarkstykke av Ola Olson Are, bnr. 7, som Ola O. Bollestad hadde selt (sjå 70.). Peder Olson fekk 2 barn i første gifte og 4 i andre:

1. Ole Pederson, f. 5-1 1868, d. same året.
2. Ole Pederson, f. 24-8 1870, d. 10-8 1871.
3. Omund Olai Pederson, f. 30-6 1880, d. 26-1 1950, ugift.
4. Johan Martin Pederson, f. 21-7 1883, død i Amerika.
5. Peder Pederson Risa, f. 14-7 1886. Han brukar Risa, ugift.
6. Andreas Pederson Risa, f. 13-2 1892, ugift.

83. Sven Svenson Risa, son til 68., f. 28-5 1837, gift 16-4 1868 med Karoline Olsdotter Re, fødd i Time 7-2 1841, dotter til Ola Olson Re og kona Berta Jonsdr. Åse. Sven kjøpte 6 spand, bnr. 3, av faren i 1867 for 580 dalar + folge. I 1884 gjorde han buslit og reiste til Amerika i 1889 med heile huslyden. 9 barn fødde på Risa:

1. Sven, f. 22-7 1869, død same året.
2. Sven, f. 27-9 1870.
3. Grete Justine, f. 30-3 1872.
4. Berta, f. 22-1 1874.
5. Ola, f. 25-7 1875, d. i USA 1962, gift med Marta Hetland.
6. Kaja, f. 19-11 1877.
7. Berta Serina, f. 25-7 1879.
8. Severine, f. 3-8 1882.
9. Laurits, f. 8-7 1885.

(To av døtrene gift med kvar sin bror frå Håland (St. Håland 25. 3. og 5.)

Etter Sven står desse som brukarar:

84. Anfinn Gunnarson Line i 1888, kjøpte av Sven Svenson si konkursbu i 1887 for 3400 kroner.

85. Jon Hadland kjøpte av Anfinn Line i 1888 for 4150 kroner.

86. Karl Taksdal var der i 1890.

87. Peder Jonson Løgesteinen, 1891/1894 (sjå Bø 105.).

88. Ole Pederson Løgesteinen Risa, son til 87., frå 1894 til 1896. Han var f. 4-1 1870, gift 24-3 1893 med Rakel Serina Olsdr. Risa, f. 12-11 1866 (sjå 75.). Han reiste til Amerika i 1896. I 1906 kom han heim og kjøpte gard på Vestly. 2 barn var fødde på Risa:

1. Peder Olson Risa, f. 27-7 1893, d. ?-8 1966, gift 1923 med Marta Rasmusdr. Åsen, f. 4-3 1896. Budde på Vestly i Time.
2. Rakel Alida Olsdr., f. 12-2 1895, gift med Laurits Jonson Eikeland i Time, f. i Ognå.
Desse var fødde på Vestly:
3. Oskar Risa, f. 8-10 1906, gift 1945 med Marta Nilsdr. Sikveland, f. 4-1 1917. Bur på Serigstad i Time.
4. Stein Risa, f. 1-12 1911. Bur på Taksdal.

89. Omund Olson Undheim, f. 1859, gift 27-11 1885 med Grete Maria Ellingsdotter Risa (76. 1.), f. 2-9 1855. Han var på bnr. 3 1896/1897.

90. Ola Olson? på Øygaard?

91. Hans Ellingson på Lynghaug.

92. Jonas Svenson på Flåten.

93. Isak Pederson, son til 66., f. (1827?), d. 16-8 1881, gift 1-11 1870 med Sara Sofia Endresdr. Arrestad, f. 10-1 1833, d. 2-12 1888, dotter til Endre Olson Arrestad i Time og kona Sofia Johannesdr. Isak kjøpte eit stykke mark ovan i skogen av Ola Bollestad i 1858 (sjå 74.). Han tok over bnr. 8 av faren i 1870. Dei fekk 2 barn:

1. Grete Maria, fødd 14-2 1872, gift med Ingebret Larsson (96.).
2. Peder Risa, fødd 26-9 1874, gift med Gurina Svensdr. Anestad. Då faren døde vart garden skreven på Peder i 1882. Han brukte då garden saman med systera og farbroren, Jonas Pederson nokre år. I 1897 kjøpte så Ingebret Larson.

94. Eivind Hansson Tjåland var son til Hans Eivindson Tjåland og kona Sofia Svensdr. frå Litle Undheim. Farfar hans var Eivind Hansson frå Risa (50. 5.). Eivind var f. 29-8 1840, d. på Rongen 26-7 1918, gift 3-9 1874 med Maren Sofia Nilsdr. Orstad, f. 10-2 1843, d. 23-3 1898, dotter til Nils Osmundson Orstad i Klepp og Taletta Tolleivsdtr. frå Undheim. — Eivind kjøpte bnr. 4 av Tolleiv Asbjørnson i 1875 for 3600 kroner. — Han fekk skjøte i 1878. Eivind var komen til Risa i 1873. I 1900 selde han eller sonen Hans Mikal til Sven Tørreson Undheim (101.). Dei fekk berre ein son:

Hans Mikal Risa, f. 12-7 1874 (kvía 54.).

95. **Hans Ellingson**, son til 76., f. 6-9 1862, gift 8-11 1894 med Bergitte Gabrielsdtr. Skrutland, f. 19-4 1874, dotter til Gabriel Jonson Skrutland og kona Grete Maria Andreasdtr. frå Frøyland. Dei var syskenbarn (sjå 63. 3. og 6.). Hans Ellingson tok over bnr. 10 i 1892. Dei fekk 7 barn:

1. Elling, f. 8-8 1895, d. 12-1 1903.
2. Gabriel Risa, f. 27-10 1897, gift 1929 med Gudrund Gudmestad Mossige, f. 31-7 1904. Tok over bnr. 10 og 15 i 1923.
3. Henrik Risa, f. 24-5 1900 (sjå Vestre Håland 35.).
4. Torvald, f. 26-11 1902, d. 20-1 1903.
5. Erling Torolf, f. 25-8 1906. Han tok over bnr. 19 Lynghaug i 1944.
6. Gunda Maria, f. 19-8 1910, gift med Salve Svela, Sandnes.
7. Borgny, f. 22-11 1913, gift med Tønnes Svela, Stangeland.

96. **Ingebret Larsson**, son til 81., f. 20-1 1873, d. 12-12 1937, gift 19-3 1897 med Grete Maria Isaksdtr. Risa (93.), f. 14-2 1872, d. 4-11 1963. Ingebret kjøpte bnr. 9 av Peder Isakson i 1897. Dei fekk 4 barn:

1. Selma Sofia, f. 18-4 1898, d. 26-2 1905.
2. Gunleif Laurits Risa, f. 26-11 1900, gift 1932 med Sigrid Endresdtr. Tunheim, f. 23-2 1908. Tok over bnr. 9 i 1937.
3. Sigvald Ingolf, f. 20-2 1905, gift 1933 med Jenny Helland, f. 25-8 1908. Buss-sjåfør. Bur på Undheim.
4. Ida Maria, f. 31-5 1910, gift 13-3 1937 med Magnus Eilefson Hårr, f. 4-1 1910 (Mæland 42. 4.).

97. Sem Larsson, bror til Ingebret, f. 16-2 1870, gift 16-10 1897 med Anne Bergitte Risa (79. 2.), f. 1-3 1868, d. 22-1 1959. Han tok over bnr. 12 i 1897. 2 barn:

1. Sigurd Alfred, f. 22-5 1900, d. 24-8 1947, ugift.
2. Maria, fødd 8-11 1902. Bur på Nærbo stasjon.

98. **Hans Hansson Risa**, son til 70., f. 26-8 1847, død ugift. Han tok over bnr. 2 av faren i 1887 for 1200 kroner med følge. **Då** han var død tok brorsonen, Einar K. Risa over bruket (sjå 105.).

99. **Ole Olson d. y.** (Little-Ole), son til 75., f. 15-11 1863, gift 22-10 1897 med Eline Olsdotter Tjåland, fødd i Time 6-1 1877, dotter til Ole Andreas Olson Tjåland i Time og Rakel Kristine Ellingsdtr. Ole Olson tok over bnr. 11 og 14. Ole Risa dreiv mykje som slaktar og kuhandlar. Dei hadde 12 barn:

1. Rakel Andrea Risa, f. 15-10 1898, gift 30-1 1922 med Alfred Martinius Øksnevad.
2. Olaf O. Risa, f. 11-2 1900.
3. Klara Risa, f. 18-1 1902, gift med Per Mossige.
4. Alfred Risa, f. 20-4, d. i Brooklyn 26-1 1959 ugift
5. Ole O. Risa, fødd 3-9 1906, gift 1947 med Målfrid Rugland, f. i Varhaug 5-7 1923. Han tok over farsgarden i 1935.
6. Håkon O. Risa, f. 22-11 1908, gift med Johanna Myren, f. i Bremanger 8-7 1910. Bur på Tasta.
7. Eli Risa, f. 4-6 1911, gift 19-6 1937 med Søren S. Undheim Risa (101. 4.).
8. Randi Olava Risa, f. 21-1 1914, gift 1949 med Sven P. Risa (sjå Bø 167. og Skjærpe 45.).
9. Rakel Risa, f. 30-3 1916, gift med Leif Gjertsen.
10. Odd, f. 24-7 1918, d. 6-1 1919.
11. Odd O. Risa, f. 10-1 1920, gift 1947 med Jorun Regina Haugland, f. i Time 4-3 1925. Bur på Trianten av Gudmestad.
12. Gunhild Risa, f. 16-6 1923, gift med Olav Vigesa.

100. **Sigve Theodor Risa**, son til 79., f. 4-5 1874, gift 23-3 1907 med Anna Maria Risa (81. 4.), f. 28-12 1876, d. 26-12 1958. Tok over bnr. 6 i 1908. 3 barn:

1. Tabitta, f. 12-1 1908, gift 24-3 1934 med Alfred Tollakson Tunheim.
2. Sven S. Risa, f. 27-11 1913, gift 17-9 1938 med Anna Lode, f. 16-8 1914. Han brukar farsgarden på Risa.
3. Guri, f. 17-12 1917, gift med Ola Garborg Time. Sjukesyster.

101. **Sven Tørresson Undheim**, — son til Tørres Svenson Undheim og Maren Elisabeth Olsdtr. frå Tunheim, f. 11-12 1874, gift 16-12 1899 med Ingeborg Maria Tjåland, f. 19-8 1876, d. 15-5 1961, dotter til Bertel Kristian Håvardson Tjåland frå Undheim og kona Ingeborg Maria Svendsdtr. frå Indre Sikveland. Sven kjøpte det som var att av bnr. 3 i 1900. Han kjøpte bnr. 4 av broren Tobias (103.). Dei har hatt 9 barn:

1. Torvald Undheim, f. 11-2 1901, gift med Anna D. Johnsen, f. Pallesen. Eig no bnr. 3 og 4.
2. Berner, f. 10-6 1903.
3. Maria, f. 20-5 1905, gift 1941 med Lars Olson Auestad. — Bur på Årrestad i Time.
4. Søren Undheim, f. 22-4 1908, gift 19-6

- 1937 med Eli Olsdr. Risa, f. 4-6 1911. Bur på Løgesteinen av Bø.
5. Ingvald Undheim, f. 7-8 1910, gift med Anna A. Opstad. Bur på Are av Vål-IcIId
 6. Magne Undheim, f. 29-7 1913, gift 1939 med Gudrun Gabrielsdr. Undheim, f. 26-10 1916. Brukar Solheim bnr. 31 av Risa.
 7. Karen, f. 15-6 1915, gift 1956 med Hans Edvin Engebretsen, Ulensaker.
 8. Ingebjørg, f. 4-3 1918, gift med Johan A. Opstad, f. 21-9 1916. Bur på Spogarholen av Bø.
 9. Kjellaug, — gift med Thor Rugland, Vigrestad.
102. Andreas Larsson Risa, son til 81., f. 25-1 1880, — gift 2-11 1906 med Marta Gurina Helvig, f. 1884, d. 9-6 1961, dotter til Kristofer Pederson Helvig i Eigersund. Andreas tok over bnr. 1 etter faren. Dei fekk 9 barn:
1. Lars, f. 8-10 1907, gift 29-7 1933 med Margit Orstad, f. 30-8 1912. Bur på Hognestad.
 2. Gudrun, f. 6-8 1909, gift 23-7 1938 med Einar Lastein, Finnøy.
 3. Maria, f. 21-6 1911, gift 1940 med Jon E. Haugland, Time.
 4. Kristofer Risa, f. 7-6 1913, gift 15-3 1941 med Anna K. Tjensvoll, f. 9-11 1918. Han har bnr. 1 på Risa.
 5. Anna, f. 12-5 1915, gift 1) med Gunnar Lindegård, gift 2) med Sandgren.
 6. Vilhelm Karsten, f. 9-5 1917, gift 2-8 1947 med Signe O. Høyland (192. 5.), f. 21-1 1926. Bur på Nærbo og er snikker ved jernbanen.
 7. Sigrid, f. 6-9 1919, gift 6-3 1948 med Tønnes Pollestad, Klepp.
 8. Magnhild, f. 26-1 1922, gift 3-10 1942 med Julius Bratteberg, Volda.
 9. Mathilde, f. 6-7 1924, gift 12-10 1946 m. Ingebret Fjogstad. Gardbrukar på Njærheim.
103. Tobias Tørresson Undheim — (sjå Gausland 36.). Han kjøpte bnr. 4 av Eivind Hansson. Han selde til Sven Tørresson (101.).
105. Einar Risa, son til Kristian Hansson Risa og Kirsten Einarsdr. (sjå 70. 3.). Han er f. 5-5 1888, d. 1-10 1961, gift 1920 med Gurina Gabrielsdr. (Bjørheim 28. 7.), f. 28-12 1899. Einar fekk bnr. 2 etter farbroren, Hans Hansson (98.) i 1917. Dei har 6 barn:
1. Kristian Risa, f. 25-5 1920, gift med Astrid T. Søyland, 21-1 1921. Bur på Urheia av Motland. Jernbanesnikker.
 2. Gabriel Risa, f. 16-12 1922, gift 21-9 1946 m. Karen Johanna Halvorsen, f. i Kragerø. Han brukar nå garden Risa.
 3. Hans, f. 1-8 1925, gift med Karen Margreta Magnusen frå Kragerø.
 4. Einar, f. 2-10 1927, gift med Kristine Olivie Kanne, f. i Stavanger.
 5. Kåre, f. 18-10 1930, gift med Johanna Jonsdr. Steinsland.
 6. Kari Maria, f. 31-8 1941, gift i Alberta, Canada, med Charles Timothy Gough, Lethbridge.
106. Peder P. Risa, son til 82., f. 14-7 1886. Tok over bnr. 13 i 1930 etter mora eller broren Omund Olai. Han er ugift. Garden seld.
107. Gabriel H. Risa, son til 95., f. 27-10 1897. Gift 1929 med Gudrun Gudmestad, Mossige, fødd i Time 31-7 1904, dotter til Ole Tobiasson Gudmestad, Mossige og kona Oline Pedersdr., f. Mossige (Gudmestad 36. 5.). Gabriel tok over bnr. 10 - 15 etter faren i 1923. Barn:
1. Bjørg Risa, f. 4-1 1931, gift 1950 med Bjarne Oppedal.
 2. Hans G. Risa, f. 24-6 1937, gift 1961 med Oddveig Madland (Odland 72. 3.).
108. Gunleif Risa, son til 96., f. 26-11 1900, gift 1932 med Sigrid Endresdr. Tunheim, f. 23-2 1908. Tok over bnr. 9 i 1937 etter faren. Barn:
1. Ingebret Risa, f. 14-4 1938, gift 1962 med Inger Marie Bjorheim.
 2. Edvard Risa, f. 18-2 1942, gift 1965 med Sigrunn Nord-Varhaug.
109. Sven S. Risa, son til 100., f. 27-11 1913, gift 17-9 1938 med Anna Lode, f. 16-8 1914 (Lode 82. 5.). Sven tok over bnr. 6 etter faren. Barn:
1. Andreas Sigve, f. 26-12 1939, gift 1961 med Edith Lode, fødd i Nærbo 9-9 1939 (Nærbo 128. 1.).
 2. Svein Risa, f. 30-3 1942, gift med Helga Bjørgo, Voss.
 3. Asta Risa, f. 4-5 1946.
110. Ole O. Risa, son til 99., f. 3-9 1906, gift 1947 med Målfrid Rugland, fødd i Varhaug 5-7 1923, d. 21-2 1967 (Rugland 50. 1.). Ola Risa tok over bnr. 11-14 etter faren i 1935. Barn:
1. Ester Risa, f. 5-3 1948, gift 1968 med Kjell Risa (112. 2.).
 2. Ingerid Risa, f. 7-11 1949, gift 6-4 1968 med Kjell Fikstvedt.
 3. Oddbjørn Risa, f. 15-1 1951.

111. **Torvald Undheim**, son til 101., f. 11-2 1901. Gift 1961 med Anna D. Johnsen, f. Pallesen. Han tok over bnr. 3 - 4 etter faren.

112. **Kristofer Risa**, son til 102, f. 7-6 1913, gift 15-3 1941 med Anna Tjensvoll, Tunheim, f. 9-11 1918, dotter til Kristofer E. Tjensvoll, Tunheim og Gurina, f. Undheim. Kristofer tok over bnr. 1 etter faren i 1951. Barn:

1. Andreas Risa, f. 18-2 1943, gift 1967 med Marit Idland, Gjesdal.

2. Kjell Risa, f. 18-10 1945, gift 1968 med Ester Risa (110. 1.).

3. Magne Risa, f. 8-10 1948.

4. Gudrun Risa, f. 17-12 1949.

5. Anne Karin, f. 3-4 1958.

6. Liv, f. 25-8 1960.

113. **Erling Torolf Risa**, son til 95., f. 25-8 1906. Tok over ein part av farsgarden, bnr. 19, i 1944.

114. **Maria S. Risa**, dotter til 97., f. 8-11 1902. Tok over bnr. 12 etter foreldra.

G.nr. 32. Våland

Namnet kjem truleg av gamalnorsk Vå = ulukke, skade, fåre. Kanskje har utlæge halde til her og fare med vådeverk i bygda om nettene. Garden ligg avbølt langt frå grannskap. Ei kanskje vel så god forklåring er nemnd i "Norske Gårdnavn" at ordet har samanheng med eit gamalnorsk ord, som tyder "vrå" — avkrok — plass som ligg avsides. Stavemåten var i 1606 Valland, 1610 Waaland, 1616 Vaeland, 1668 Vaaland og 1723 Waaland. Landskulda var i 1723 9 spand kom som låg under Bø prestebol. Våland skifter i vest med Lindal, Opstad og Bø, mot nord til Risa og mot aust og sør mot Helland i Time. Garden høyrer mest til Høg-Jæren og har store vidder heieland med mykje torvmyr. Jorda er bakket og vatssprengd.

NAMNEREGISTER

1. Arne Korte Våland
2. Olluff Våland
3. Børild Olson
4. Bjørn Rasmusson
5. Tolleiv Mikkelson
6. Snare Andersson
7. Johannes Bjørnson
8. Mikkel Tolleivson
9. Hans Ådneson Våland
10. Tolleiv Mikkelson
11. Ådne Rasmusson Bollestad
12. Nils Ådneson Våland
13. Nils Ellingson Berland
14. Tore Toreson Gudmestad
15. Tore Toreson Våland
16. Mikkel Torstenson Hetland
17. Torkel Knutson Tjensvoll
18. Hans Pederson Oma
19. Tore Toreson Torland
20. Gjermund Toreson Torland
21. Ola Olson Bø Are
22. Tønnes Hansson Våland
23. Ola Olson Are

24. Gabriel Torkelson Undheim
25. Tore Gjermundson Våland
26. Tønnes Gjermundson Våland
27. Ola Johannesson Arrestad Visturen
28. Johannes Jonson Opstad
29. Tørres Tørresson Are
30. Ola Mathiasson Helland Are
31. Lars Monsson Øksnevad
32. Jon Johannesson Våland
33. Johan Arnt Våland
34. Gjermund Våland
35. Rasmus J. Våland
36. Rasmus B. Håland
37. Ingvald Undheim

1. Arne Korte Våland var Øydegardsmann i 1603.

2. Olluff Våland gav 2 sauskinn leidang i 1624/1634.

3. Børild Olson kunne vore son til 2. Han var brukar på Våland i 1645, skatta $\frac{1}{2}$ ort. Kona og barn ikkje nemnde.

4. Bjørn Rasmusson er nemnd på Våland saman med Børild Olson i 1645. Han var gift med Ingebjørg Olsdr. Han skatta $\frac{1}{2}$ ort. Ein son er kjend: Johannes Bjørnson Våland, fødd 1650 (sjå 7.).

4B. Rasmus Pederson Tu, fødd kring 1620. Budde visst ei tid på Våland (sjå Ueland i Varhaug 7.).

4C. Simon Våland var stemnd for Retten av presten Laurits Lind på Haa i 1663 saman med Tolleiv Våland og Dagfinn Håland, for dei var komne i trette om $\frac{3}{2}$ spand i Våland som Simon hadde gjeve frå seg til Dagfinn si dotter, men som Tolleiv Våland meinte han hadde større rett til.

5. Tolleiv Mikkelson var på Våland i 1665. Han var fødd kring 1620, og brukte 5V₂ spand. Han vart tildømd bykselen av dei 3¹/₂ spand som der var trette om i 1663. Kona er ukjend, men me veit om 1 son: Mikkel Tolleivson Våland, f. 1654 (8.).

6. Snare Andersson brukte 2y₂ spand i Våland i 1665. Han var fødd kring 1615. Gift med enkja etter Bjørn Rasmusson, Ingebjør Olsdotter, som døde i 1704, 98 år gamal. Barn er ikkje nemnde.

7. Johannes Bjørnson, son til 4., var fødd kring 1650. Han brukte vel dei 2y₂ spand etter stykfare, Snare Andersson, og er nemnd på Våland i 1701. Kona er ikkje nemnd, men ho heitte truleg Marit. 2 søner er nemnde:

1. Rasmus Johannesson Risa, f. 1675 (sjå Risa 40.).
2. Elling Johannesson Bjorhaug, f. 1678 (Bjorhaug 4.).

8. Mikkel Tolleivson Våland, son til 5., var fødd kring 1654, død 1707. Han var gift med Ranveig Anundsdotter Vigre, (Vigre 15. 2.). Mikkel Tolleivson budde og brukte 1 vett i 1701 etter faren. Då han var død vart enkja gift med Hans Ådneson Undheim. Der er ikkje funne skifte etter Mikkel og Ranveig Våland, men me kjenner 2 søner:

1. Tolleiv Mikkelson Våland, fødd 1690 (sjå 10.).
2. Ola Mikkelson, f. 1694. Den 25-11 1739 hadde futen stemnt Tolleiv Helland å møta for retten og gjera greida for bror sin, Ola Mikkelson, som hadde tent "ved posten på Lure for 19 a 20 aar siden, og derfra bortrømt, enten efter det Kongelige Pardon av 1732 sig igien i landet har indfundet, eller og være betencht at hans fordrende arf efter skiftebrev af 28 May 1707, som er 13 Rdr. 1 ort 2 sk. vorder confisquerede". — Der må altså ha vore skifte etter faren 28-5 1707. Tolleiv Helland møtte for retten og sa, at broren var reist frå Lura til Bergen, men kom sidan heim og var heime eit år. Sidan reiste han til Bergen att og seilte der ifrå med Peder (Flyers?) svoger til (Caps?), og sidan reiste han utanlands, og han hadde ikkje høyrte frå han på 13 år. Trudde helst han var død.

9. Hans Ådneson Undheim var son til Ådne Rasmusson Litle Undheim i Time, visst nok frå Bollestad i Gjesdal og kona

Siri Hansdotter. — Han var fødd kring 1680, død 1755, skifte etter han 17-7 det året. Gift 1) 1708 med enkja etter Mikkel Tolleivson, Ranveig Anundsdr. Gift 2) med Torborg Rasmusdotter Garborg, f. 1724, dotter til Rasmus Ivarson Garborg i Time og kona Anna Johannesdr. Hans Ådneson tok over dei 6y[>] spand etter Mikkel Tolleivson i 1708. I 1718 er han nemnd åleine på Våland. Han hadde berre ei dotter i andre gifte:

Ranveig Ådnesdr., f. 1755, gift med Ådne Kristoferson Hatteland.

10. Tolleiv Mikkelson, son til 8., var fødd kring 1690. Gift 1) med Berit Rasmusdotter, som der var skifte etter 10-10 1750. Ho kunne kanskje vore dotter til Rasmus Eilevson Bø (Bø 27.). Men det er mykje uvisst. Tolleiv Mikkelson brukte 3 spand i Våland i 1723/1733. — Sidan flutte han til Store Helland i Time, der han byksla 15 spand av Jørgen Hjort på Oгна i 1738. I 1752 vart han gift 2) med enkja etter Peder Olson Oгна, Guri Helgesdotter frå Varhaug (sjå Nord-Varh. 17. 2.). Det vart då ein lang strid om bykselen til Oгна, som Jørgen Hjort åtte, og som Peder Olson hadde byksla. Medan striden gjekk for retten, hadde Jørgen Hjort selt Oгна til Jon Olson Kverme, som så førde striden vidare mot Tolleiv Mikkelson. I 1755 døde Tolleiv. Då gjorde enkja krav på oppsett av Oгна, som eigaren, Jon Olson meinte han ikkje plikta å yte. Arian Tolleivson, Tolleiv sin son møtte på stykmora sine vegne. Først i 1757, året før Guri Helgesdotter døde, vart der gjordt forlik i saka. (Sjå Tingbok VII side 128, 142, 152, 167, 171, 192, 268, 280, 302.) Tolleiv Mikkelson hadde 9 barn i første gifte:

1. Mikkel Tolleivson Gudmestad, f. 1720 (Gudmestad 17.).
2. Rasmus Tolleivson Time, f. 1722, gift 1747 med Ingeborg Rasmusdr. Fosse. Budde på Time, seinare på Gruda i Klepp.
3. Johannes Tolleivson, f. 1723, gift 1751 m. Malena Jespersdr. Mossige. Budde på Nedre Helland i Time.
4. Ranveig Tolleivsdtr., f. 1726, gift 1752 med Rasmus Gunnarson Helland.
5. Arian Tolleivson Re, f. 1734, gift 1759 med Gitlaug Eivindsdr. Re.
6. Guri Tolleivsdtr., f. 1734.
7. Tolleiv Tolleivson, f. 1736, gift 1) i Oгна 1759 med Guri Larsdr. Ueland, gift 2) i Varhaug 1790 med enkja Barbro Torstensdr. Ånestad (sjå Sør-Varhaug 57.).

8. Johanne Tolleivsdr., f. 1738, gift 1774 med Gregorius Mortenson Bjelland. — Budde på Tunheim.
9. Marit Tolleivsdr., f. 1742, tente på Bjorheim i 1758.

11. Ådne Rasmusson Bollestad var brorson til Hans Adneson (9.), son til Rasmus Adneson Bollestad og kona Malena Gjødesdr. Han var fødd kring 1706, gift 1) med Helga Omundsdotter Mauland, gift 2) med enkja etter Ola Omundson Orstad i Klepp, Gitlaug Gulliksdotter. Ådne Rasmusson tok over parten hans Tolleiv Mikkelsen, — då han flutte til Helland kring 1740. I 1758 budde Ådne på Øvre Haugland i Time. I 1765 er han kalla Ådne Rasmusson Helland.

12. Nils Adneson er oppført på Våland i Futerekneskapen i 1750 med 3 spand etter Ådne Rasmusson. Kanskje var han son hans. Han er ikkje nemnd seinare, og eg veit ikkje meir om han.

13. Nils Ellingson var son til Elling Ellingson Berland i Bjerkreim og kona Bothild Omundsdtr. frå Tengesdal. Han var f. 1728, gift i Bjerkreim 1-3 1750 med Marta Torgersdr. Kløgetveit, f. 1726, d. 23-8 1795, dotter til Torger Olson Kløgetveit i Bjerkreim og kona Guri Mauritsdr. Røysland. Nils Ellingson må vera komen til Våland kring 1750 etter Nils Adneson. Han byksla dei 3 sp. som Ådne Rasmusson og Nils Adneson hadde brukt. I 1779 kjøpte han alle kyrkjene i Haa saman med Peder Olson Ueland og Berdines Sandnes. I 1796 selde han sin part i kyrkjene til Omund Knutson Tjensvoll, Peder Olson Mossige og Jon Larsson Garpestad. Dei hadde 6 barn:

1. Berta, f. 1751.
2. Elling Nilsson Skrettingland, f. 1753, gift med Anna Malena Kristensdotter Skrettingland i Varhaug (sjå der 13.).
3. Guri, f. 1757, gift med Jon Larsson Garpestad i Time.
4. Anna, f. 1765, gift med Peder Olson Mossige, Time.
5. Ingeborg, f. 1762, gift med Omund Knutson Tjensvoll, Time.
6. Torger, f. 1769, d. 30-5 1789.

14. Tore Toreson Gudmestad (sjå Gudmestad 15. 2.), fødd kring 1728, gift med enkja etter Hans Adneson, Torborg Rasmusdr. som der var skifte etter 17-6 1782. Tore døde 18-10 1806. Han byksla 6 sp. i Våland av Bendix Djurhus i 1755 etter Hans Adneson. Dei hadde 4 barn:

1. Hans Toreson Hognestad, f. 1757, gift

med Ane Berte Gregoriusdr. Hognestad.

2. Tore Toreson Våland, f. 1761 (15.).
3. Guri, f. 1759, d. 1-7 1847, ugift.
4. Anna, f. 1768, d. 21-12 1838, ugift.

15. **Tore Toreson Våland**, son til 14., f. 1761, d. 30-10 1837, gift med Ane Berte Ingebretsdtr. Grøtheim, f. 1757, d. 6-8 1843 (sjå Grøtheim 11. 2.). Tore byksla 6 sp. etter faren av Niels Grøver i 1781. Dei hadde 7 barn:

1. Tala, fødd 1785, gift 1) 16-11 1808 med Tollak Omundson Skjærpe (sjå Skjærpe 20.), — gift 2) med Omund Svenson Skjærpe.
2. Helena, f. 3-6 1787, gift med Ola Olson Are (Våland 21.).
3. Tore, f. 18-7 1790, d. 16-11 s. å.
4. Ane Berte, f. 29-1 1792, gift 1) med Tore Toreson (19.), gift 2) med Gjermund Toreson (20.).
5. Ingebret, f. 16-3 1794, d. 31-7 1818.
6. Tønnes, f. 19-2 1797, d. 25-7 1818.
7. Maren, f. 24-11 1799.

16. **Mikkel Torstenson Hetland** var son til Torsten Torstenson Hetland i Ogna og kona Malena Torgersdr. frå Kløgetveit. Han var f. på Hustoft i Bjerkreim i 1754, gift i Varhaug 20-8 1788 med Kirsten Ellingsdr. Auestad i Varhaug, f. 1758. Han byksla 3 sp. i Våland etter Nils Ellingson i 1790. I 1797 sa han frå seg bykselen til Torkel Knutson og flutte til Madland i Varhaug (sjå der 16.).

17. **Torkel Knutson Tjensvoll** var son til Knut Torkelson Tjensvoll i Time og kona Aasa Omundsdotter. — Han var bror til Omund Knutson som var gift med Ingeborg Nilsdr. Våland (13. 5.), f. 1762, d. 18-11 1811, — gift 13-3 1798 med Anna Guthormsdtr. Undheim, f. 1772. Torkel byksla 3 sp. av Kastrup i 1797 etter Mikkel Torstenson. I 1811 fredlyste Tore Våland og Torkel Knutson bumarkene sine på Våland mot dei Lindal, Sven Kristianson og Tarald Eivindson, som let buskapane sine beita ulovleg på dei Våland. Det er eit interessant dokument som eg skal ta med her i avskrift: "Kongelig Mayestæts Foged — — — Vi beboere af gaarden Vaaland i Kvie skibrede have i adskillige aar med.....maattet erfare at husmanden Sven Kristiansen og Torger (Tarald?) Evendsen Lindal under garden Obrestad haver dels ved beiting i vaares udmarker og dels haver de drevet kreaturerne ind i vaares indmark, ligesom det var deres eiendom. Da vi nu

i mindelighed ei kan faa standset saadant brug af vaares eiendom, saa nødes vi til at søge lovlige hjælp og desaaarsage henvende os til Deres Væiædelhed med ærbødig anmodning at De på embeds vegne lovlige vilde fredlyse vaares paa-boende gaard Vaalands ind- og udmærk, fæbeide og græsgang, ager og eng, samt alt andet som paa nogen maade kan henhøre til bemeldte gaard Vaaland for alt ulovlig brug af ovenmeldte husmend eller enhver anden som uhjemlet vil afbenytte sig denne vaares eiendom under den straf som loven i overtrædelses tilfælde dicterer. Denne vaares fredlysning bedes forkyndt for saavel ovenmeldte husmend som af Bø kirkebakke og Kvie Skibredes Thing til enhvers efterretning ----- Vaaland den 3 July 1811. Tore Toresen — ----- Thorkild Knudsen. — S. T. fr. faged Krog.”

Så kjem fredlysinga:

”Paa grund af forestaaende Requisition og efter Embeds medfør er det jeg hermed paa lovlige maade fredlyser Gaarden Vaalands ind- og udmærk, ager og eng, lotter og beider, torvmoser og lynchheier, forbydende alle og enhver i Kongens høye navn brug og benyttelse af samme som dertil ikke er berettiget. Især forbydes husmændene paa pladset Lindal, Svend Kristiansen og Torger (Tarald?) Evensen at græsse eller beide deres Chreaturer paa bemeldte gaard Vaalands enemærker og strækninger, at spade torv, rive lyng, kort alt slags ulovlig Aaverk at gjøre og iværksætte paa bemeldte strækninger alt under volds bøder og anden straf som loven dicterer for en lovlige fredlysnings overtrædelse, men enhver som formener sig berettiget til nogen slags brug og afbenyttelse af denne gaards marker og strækninger bør samme først paa lovlige maade at bevise. Denne fredlysning haver opsiderne paa gaarden Vaaland som Reqvirentere paa lovlige maade at bekyndtgjøre for bemeldte husmend, Svend Christiansen og Torger (Tarald?) Evensen Lindal, dernest af Kirkebakken og endelig for Qvie Skibrede nest kommende almindelige Høstething, saa at enhver vedkommende kan faa kundskab om denne fredlysnings iværksættelse.----- Til bekræftelse udstedes denne forretning under min haand og embedets segl paa Thinggaarden Scheie den 3 July 1811. — — Krog (L. S.)”

”Den 9de July er forestaaende lovlige forkyndt paa Lindahl for opsiderne af pladset Lindahl, ligesaa af Bø Kirkebakke, bekræftes af os som beskikket

lensmand. — — Datum ut supra. E Tostensen testeret. P. Larsen. T. T. Erichsen” Torkel Knutson hadde 4 barn:

1. Kristian, f. 9-12 1798, gift med Elisabet Halvardsdr. Risa (Risa 52. 11.). Budde på Helland, seinare Næv.
2. Guttorm, f. 26-7 1801, gift med Malena Tormodsdr. Sjømann.
3. Tønnes, f. 30-8 1804, d. 5-12 1805.
4. Anna, f. 10-1 1809, d. 22-7 s. å.

18. Hans Pederson Oma var son til Peder Nilsson Oma i Time og kona Elisabet Olsdr. frå Norheim. Bror til Ola Pederson Sveine (sjå Opstad 57.). Hans var fødd kring 1775, død 13-5 1855, gift i Time 7-6 1812 med enkja etter Torkel Knutson, Anna Guthormsdr. Hans Pederson byksla 3 sp. av Kastrup i 1812 etter Torkel Knutson. I 1841 kjøpte han dei 3 sp. med kongeskjøte for 250 spd. Dei fekk 2 barn:

1. Karen Elisabet, f. 5-5 1814, gift 18-6 1840 med Tønnes Osmundson Øgard i Time.
2. Tønnes Hansson Våland, f. 29-5 1816 (22.).

19. Tore Toreson Torland (sjå Torland 39. 5.). Han var f. 1777, d. 29-3 1821, gift 12-11 1815 med Ane Berte Toresdr. Våland (15. 4.), f. 29-1 1792. Tore byksla 6 sp. av Kastrup i 1819 etter verfare. Han hadde butt på Helland før han kom til Våland. Dei fekk 2 barn:

1. Kirsten, f. på Helland i Time 7-11 1817, gift 1) 31-10 1837 med Tønnes Taraldson Skjærpe, gift 2) med Peder Olson Skjærpe (Skjærpe 25. og 31.).
2. Ingebret Toreson Grøtheim, f. 19-12 1819 (Grøtheim 16.).

20. Gjermund Toreson Torland, bror til 19, f. 12-2 1787, d. 12-9 1867, gift 16-6 1822 med enkja etter broren, Ane Berte Toresdr. Ho døde 23-6 1883. Gjermund byksla dei 6 sp. av Kastrup i 1822. I 1856 kjøpte han eit engstykke av Tønnes Hansson, 6/31 sp. for 50 spd. Han fekk 6 barn:

1. Tore Våland, f. 7-5 1823 (25.). Ane Berte, 41 år, gift 17-4 1866 med enkjem. Isak Olson, N-Kolnes, 44 år.
2. Taletta, f. 5-6 1826, d. 17-7 1895, ugift.
3. Tønnes Våland, f. 27-9 1827 (26.).
4. Tobias Våland, f. 1-10 1829.
5. Gjermund Våland, f. 23-8 1831, gift med Elisabet Knutsdr. Jåthun. Budde ved Vally City, Nord Dakota.
6. Abel Våland, f. 29-3 1838. Budde i Haugesund.

21. Ola Olson Are (sjå Bø 53 5.) var fødd 1788, gift 1) 9-11 1817 med Helena Toresdotter Våland (15. 2.), fødd 1787, død 5-9 1818. Gift 2) 25-3 1819 med Joron Aresdotter Årestad, fødd 1787, død 15-10 1866, dotter til Are Olson Årestad i Time og kona Marta Nilstr. Ola byksla plassen Are av Kastrup i 1818. Han hadde 1 barn i første gifte og 4 i andre:

1. Ola Olson, f. 17-7 1818, d. 1-10 1818.
2. Helena Olsdr., f. 16-2 1820, død på Grøtheim.
3. Ola Olson Are, f. 2-12 1821 (23.).
4. Jonas Olson, f. 18-1 1827, d. same året.
5. Johanna Margreta Olsdotter, f. 26-5 1828, død på Nærbø 18-5 1889, ugift. Ho var skreddar.

22. Tønnes Hansson Våland, son til Hans Pederson (18.). Han var f. 29-5 1816, d. 4-8 1878. Gift 11-10 1842 med Ingeborg Olsdotter Lindal (Lindal 21. 2.), fødd i Bjerkreim 14-1 1814, død på Nærbø 23-12 1913. Tønnes Hansson kjøpte 3 spand i Våland av faren i 1841 for 250 dalar. I 1857 selde han Våland til Gabriel Torkelson og budde sidan som husmann på Søyland. 5 barn:

1. Hans Tobias Våland, f. 1-10 1843, gift 1867 med Torborg Kirstine Berntsdtr. Sirevåg. Budde i Sirevåg.
2. Anne Marie Karine, f. 16-9 1846, gift 9-11 1871 med Torsten Tobias Svenson Ånestad i Varhaug (sjå der 91.).
3. Ola, f. 5-5 1849. Han var bakar, reiste seinare til sjøs og døde ute ein stad, ugift.
4. Tønnes, f. 24-4 1852, gift 1) i Stavanger 11-12 1879 med Tomine Sofie Torbjørnsen, gift 2) 22-10 1885 med Rakel Gurine Olsen. Han var styrmann og budde i Stavanger.
5. Inger Jorine, f. 9-6 1856, gift 11-4 1878 med Ola Svenson Ånestad i Varhaug (Ånestad 71. 3.). Budde i Vanse, Lista.

23. Ola Olson Are, son til 21., f. 2-12 1821, gift 1) 17-10 1852 med Gitlaug Abrahamsdtr. Aniksdal, f. 3-2 1831, d. 31-10 1866, — dotter til Abraham Mortenson Aniksdal i Varhaug (sjå der 50. 4.), gift 2) 17-12 1867 med Kirsten Ellingsdotter Madland, f. 2-1 1824, sone-dotter til 16. (sjå Madland 19. 1.). I Panteboka under 20-8 1850 står at Ola Olson Are d. e. selger til sin søn Ola Olson pladset Are for 140 spd. Men eg kan ikkje skyna at det kan vera jorda som her er meint, men kanskje bruksretten til jorda og så husa. For under 6-7 1867 heiter det at Tønnes og Tore Gjermundsøner selger pladset

Are til Ola Olson Are for 150 spd. Ola Are kjøpte y³ av utmarka hans Ola Olson Risa d. e. 2 sp. i 1858 for 80 spd. I 1867 selde han dette til Peder Olson Risa for 80 spd. Ola Are fekk 7 barn i første gifte og 1 i andre:

1. Ole Johannes, f. 23-6 1853, d. 30-10 1855.
2. Jorine, f. 30-12 1854, var lærarinne i Stavanger.
3. Ola, f. 6-11 1856, død ung.
4. Anna Kirstine, f. 19-11 1858, d. 15-12 1864.
5. Grete Alette, f. 23-2 1861.
6. Anna Johanna, f. 22-5 1863.
7. Anna Kirstine, f. 8-8 1865.
8. Gabriel Olaus, f. 5-10 1868.

24. Gabriel Torkelson Undheim var son til Torkel Torkelson (Lindal 16. 3.). Litle Undheim og kona Kari Guthormsdotter. Han var syskenbarn til Tønnes Hansson. Fødd på Lindal 13-8 1806, gift 12-10 1834 med Rakel Maria Berntsdtr. Høyland i Time, fødd 26-11 1814, dotter til Bernt Tørresson Høyland og kona Maren Guthormsdtr. Gabriel kjøpte dei 3 sp. av Tønnes Hansson i 1857. Alt i 1859 selde han til Johannes Jonson og flutte til Håland i Varhaug (sjå der 64.).

25. Tore Gjermundson, son til 20., f. 7-5 1823, d. 16-7 1905, gift i Time 9-6 1864 med Maren Elisabet Omundsdtr. Haugland, f. 9-8 1836, d. 15-11 1915, dotter til Omund Helgeson Øvre Haugland i Time og kona Marta Olsdr. frå Torland. Tore og broren Tønnes fekk kongeskjøte på 6 sp. i Våland i 1858 for 700 spd. Eit engstykke var undanteke i kjøpet. Om det heiter det i skjøtet: "Det paaligger kjøperne, som hidtil, at have tilsyn med de præstegaarden tilhørende engstykker, Næsjene ved Vaaland, samt at være behjælpelig med at slaa, bjerge, samt om vinteren med at hjemkjøre til præstegaarden det paa engstykkerne faldende hø . . ." samstundes fekk dei skjøte av faren på dei 6/31 sp. som han hadde kjøpt av Tønnes Hansson i 1856, for 10 spd. Der står ingen ting om følge, men det er vel ein sjølvsgad ting. Dei nemnde engslåttene, Næsjene, kjøpte Tore i 1889. Garden vart skift likt millom Tore og Tønnes. Tore sin part var bnr. 1 av skuld 1 ort 4 skill, eller 2 mark 09 øre. Tore og Maren Elisabet hadde 7 barn:

1. Anne Berte, f. 10-2 1865, d. 2-1 1948, gift 16-6 1893 med Jon Jonasson Mauland i Time.
2. Maria (Maja), f. 9-4 1867, gift 8-11

- 1886 med enkjemann Jens Tobiasson Kvia (sjå Motland 29.).
3. Garman, f. 16-9 1869, d. 7-5 1871.
 4. Grete Maria, f. 10-6 1872, gift 11-4 1899 m. Olaus Olson Salte (Høyland 161.).
 5. Gjermund Våland, f. 11-11 1874 (34.).
 6. Omund Våland, f. 20-5 1877, d. 24-12 1962, ugift. Budde i Montana.
 7. Tomine Våland, f. 16-9 1880, d. 7-10 1967.
26. **Tønnes Gjermundson**, bror til Tore, f. 27-9 1827, d. på Sælandsbakken 7-11 1910, gift 4-4 1861 i Time med Maria Arntsdr. Brekken, f. 30-4 1836, d. 2-4 1884, dotter til Arnt Torgerson Brekken i Time og kona Anna Maria Olsdotter, gift 2) 13-4 1887 med Berta Ivarsdr. Hørigstad, f. i Varhaug. Tønnes sin part var bnr. 2 av skuld 1 ort 5 skill, eller 2 mark 11 øre. Han hadde 8 barn i første gifte:
1. Anne Berte, f. 5-8 1862, d. 24-12 1864.
 2. Arnt, f. 28-4 1864, d. 10-4 1872 av skarlagensfeber.
 3. Gjermund, f. 18-3 1866, d. 12-4 1872 av skarlagensfeber.
 4. Anna Maria, f. 28-6 1868, d. 27-3 1872 av skarlagensfeber.
 5. Anne Berte, f. 25-3 1871, d. 27-3 1872 av skarlagensfeber.
 6. Johan Arnt Våland, f. 8-3 1873 (33.).
 7. Gjermund, f. 13-11 1877, d. 26-4 1879.
 8. Tønnes, f. 28-3 1880. Han var bakar i Stavanger, gift med Nille Nilsen, f. i Stavanger 17-10 1884.
27. **Ole Johannesson Årestad**, son til Johannes Isakson Årestad i Time og kona Serine Sofie Olsdr. Han var fødd i Time 4-4 1802, gift 13-11 1831 med Anna Maria Toresdotter Lende, f. i Time 19-10 1811, dotter til Tore Olson Lende og kona Kari Isaksdr. Ola byksla Visturen under Våland av Tønnes Hansson i 1853. Han er den einaste som eg veit om har butt på Visturen. Men plassnamnet er kjent frå gamal tid. Ola hadde butt ei tid på Årestad og så ei tid på Søyland (sjå der 24.). Dei hadde 9 barn:
1. Sara Sofia, f. på Årestad 15-5 1832, gift 18-12 1872 med Rasmus Olson Salte, Bekkeheien (sjå Høyland 112.).
 2. Karen Olsdr., f. på Årestad 25-12 1833, d. 8-12 1862, ugift.
 3. Anna Maria Olsdr., f. på Årestad 21-5 1836, død på Bryne. — Ho var ugift, hadde ein son: Martin Nilsson Våland, f. 26-9 1864, død på Bryne 1941, egggrossist på Bryne, gift med Anna Torsdr. Lende, f. 11-11 1865, d. 14-3 1947.
 4. Justina Olsdr., f. på Årestad 6-9 1838, død på Bryne 1895.
 5. Tore Olson, f. på Årestad 18-11 1840. — Han var sjømann og busett i Tønsberg.
 6. Ola Olson, f. på Årestad 21-2 1842 (sjå Bø 119.).
 7. Tobias Olson, f. på Årestad 31-8 1845. Blev i ung alder.
 8. Anna Olsdr., f. på Søyland 30-11 1848, d. 12-7 1863.
 9. Jonas Olson, f. på Visturen 2-6 1851, d. 2-6 1901, ugift. Han var anleggsarbeidar på Bryne.
28. **Johannes Jonson Opstad** (Opstad 52. 2.), f. 1825, d. 14-3 1895, gift i Time 27-11 1856 med Anna Margreta Olsdotter Mauland, fødd i Time 17-1 1831, d. 3-5 1885, dotter til Ola Ingebretson Mauland og Maren Svalesdotter. Johannes kjøpte ein part, 227 $\frac{3}{4}$ spand, truleg av Gabriel Torkelson, men med skjøte av Tønnes Hansson, i 1859, for 500 dalar. 5 barn:
1. Taletta Maria, f. 1-8 1857, gift 1) 7-11 1878 med Ole Andreas Ådneson Lindal (Lindal 24.), gift 2) 25-8 1883 med Sven Tønnesson Mauland i Time.
 2. Maria Johannesdr., f. 21-1 1860, d. 9-3 1882, ugift.
 3. Jon Våland, f. 21-7 1864 (32.).
 4. Anna Våland, f. 6-8 1867. Ho var lærar, død ugift.
 5. Ola Johannesson Våland, f. 26-9 1872, gift 14-10 1893 med enkja etter Ingebret Olson Anda i Klepp, Karen Elisabet Toresdotter. Budde på Tu i Klepp.
29. **Tørres Tørresson Fjermestad**, son til Tørres Svenson Fjermestad i Time og kona Kirsten Tolleivsdr., f. Njå. Han var fødd 27-6 1833, gift 10-5 1860 med Karen Olina Olsdotter, fødd i Madla 25-3 1839, dotter til Andreas Olson Møllendal under Madla. Ho var andre kona. Eg veit ikkje kven den første kona var. Tørres kjøpte Are av Tore Gjermundson, bnr. 4, i 1883. Han døde 19-5 1883, og så kjøpte enkja bnr. 3 av Ola Olson Are same året (1883). Av barna hans Tørres veit me om 2 av første gifte og 5 av andre. Berre 2 var fødde på Are:
1. Ingeborg Maria Tørresdotter, f. 1853, gift 12-3 1879 med Oluf Edvin Peerson Ertkern, f. i Sverige 1846 (sjå Bø 142.).
 2. Dora Tørresdotter (var visst gift til Sunde i Håland).
 3. Marta Tørresdr., f. i Stavanger 1861.
 4. Kirsten Tørresdr., f. 1864, gift 26-11 1893 med enkjem. Oluf Edvin Peerson Ertkern. Kirsten hadde teke over Are

- av mora i 1892, og selde same til Siver Helland i 1893.
5. Gurine Marie Tørresdtr., f. på Are 4-5 1871. Reist til USA.
 6. Kristian Severin Tørreson, f. på Næsheim 21-1 1873, d. 1879.
 7. Ole Andreas Tørreson, f. i Stavanger 1866. Han var målar. Reiste til Amerika i 1890.
30. Ola Mathiasson Helland står som brukar av Are i 1894, men broren Siver står som eigar. Dei var søner til Mathias Siverson Øvre Helland i Time og kona Berta Olsdtr., f. Njølstad. Ola Helland var fødd i Time 17-6 1864, død 27-1 1897, gift 5-3 1889 med Ane Ingebretsdotter Hadland, fødd 11-5 1862, dotter til Ingebret Berntson Høyland i Time. Ola Helland hadde vore skreddar og butt på Bryne før han kom til Are. Dei hadde 2 barn:
1. Bernhard Marcellius Helland, fødd 9-9 1890, gift 3-12 1909 med Otta Skjæveland, f. 3-2 1891. Handelsm. på Bryne.
 2. Berta Helland, f. 1-5 1894, gift 8-12 1918 med Elling Pederson Njå, f. 11-3 1891. Murar på Bryne.
31. Lars Monsson Øksnevad, son til Mons Larsson Øksnevad i Klepp og kona Karen Pedersdtr., f. Årsvoll. Han var fødd 21-7 1848, død 11-12 1926, gift 24-8 1889 med Maren Ingebretsdotter Hadland, f. i Time 3-11 1867, søster til Anna (sjå ovanfor). Lars Øksnevad hadde vore handelsmann i Stavanger. I 1896 kjøpte han Are, truleg av Siver Helland. Dei hadde 6 barn:
1. Karen Sofie Øksnevad, f. 16-2 1891, gift 9-4 1928 med enkjemann Gustav Gabrielson Birkeland på Tunheim i Time.
 2. Xngebret Øksnevad, f. 14-7 1892, d. 24-7 1963, ugift. Han var murar og budde i Nærbø.
 3. Beathe Øksnevad, f. 11-3 1894, gift 1) 18-5 1918 med murar Johan Arnt Høyland (sjå Høyland 155. 6.), gift 2) med Alfred Orre.
 4. Selma Maria Øksnevad, f. 23-9 1896, gift 24-5 1926 med Ola J. Tjensvoll.
 5. Mohn Øksnevad, fødd 18-2 1899, gift 1926 med Laura Viste, fødd 24-7 1907. Banevoktar på Nærbø. Bur på Bø (sjå 199.).
 6. Lars L. Øksnevad, f. 24-5 1904, d. 24-6 1966, ugift. Han brukte Are ei tid, men selde til Ingvald Undheim i 1945. (Risa 101. 5.)
32. Jon Johannesson Våland, son til 28., f. 21-7 1864, gift 25-5 1905 med Berta Malena Rasmusdotter Hårr, f. i Varhaug 4-3 1880, d. 30-5 1958 (sjå Sør-Tjemsland i Varhaug 57. 1.). Jon tok over bnr. 5 etter faren i 1888. Dei hadde 4 barn:
1. Johannes Våland, f. 26-8 1905, gift 26-6 1948 med Agnes Jonsdotter Lerbrek.
 2. Anne Margreta Våland, f. 26-12 1906.
 3. Rasmus Jonson Våland, f. 18-9 1908. Han tok over etter faren, bnr. 5 og 8, i 1946.
 4. Berta Elisabet Våland, f. 11-11 1910.
33. Amt Johan Tonnesson Våland, son til 26., var f. 8-3 1873, d. 29-6 1963. Gift 9-6 1897 med Regina Amalia Larsdotter Sælendsbakken, f. i Varhaug 23-2 1875 (sjå Sæland i Varhaug 20. 3.). Arnt Våland tok over bnr. 2 etter faren i (1897?). I 1908 selde han til Omund Johan Mellemstrand. — Seinare kjøpte Gjermund Toreson denne parten. Arnt Johan budde seinare på Sælendsbakken i Varhaug. 4 barn var fødte på Våland:
1. Lars, f. 23-8 1897, død dagen etter.
 2. Tønnes Våland, f. 6-4 1899, gift med Regina Rasmusdotter Hårr (sjå Sør-Tjemsland 57. 9.). Busett på Vigrestad. Målar.
 3. Lars Våland, f. 3-5 1903.
 4. Magnus Våland, f. 17-10 1905.
34. **Gjermund og Tomine Våland**, var barna til 25. Dei tok over bnr. 1 då mora døde i 1915. Ingen av dei var gift, og dei dreiv garden utan leigehjelp til Gjermund døde 12-9 1957. Då vart garden seld på auksjon til Rasmus B. Håland, og Tomine flutte til Nærbø stasjon. Dette bruket, som er bnr. 1 og 2, har truleg den største jordvidd i Nærbø, undanteke Opstad Tvangsarbeids-gard, med ei samla jordvidd på kring 1800 mål.
35. **Rasmus J. Våland**, son til 32., er fødd 18-9 1908. Han tok over bnr. 5 etter faren i 1946. Han er ugift.
36. Rasmus B. Håland (sjå Njærheim 140. 6.), f. 6-2 1917. Gift 3-8 1957 med Marta Halland. Rasmus kjøpte bnr. 1 - 2 etter Gjermund og Tomine Våland i 1958.
37. **Ingvald Undheim** (sjå Risa 101. 5.) f. 7-8 1910, gift 1945 med Anna Opstad, f. 25-2 1910 (sjå Bø 153. 4.). — Ingvald Undheim kjøpte bnr. 3 - 4 Are av Lars Øksnevad i 1945. Barn:
1. Svein Undheim, f. 2-6 1945.
 2. Audun Jostein Undheim, f. 14-1 1950.

G.nr. 33. Lindal

Norske Gårdnavne har 2 alternativ til forklaring av namnet Lindal, anten at ordet kjem av trenamnet lind, eller av lin. Det er vel lite truleg at det noko tid har vakse lind der oppe. Men det kan nok vera mogeleg at namnet er lånt annanstad frå. Reint språkleg er denne forklaringa god. Forklaringa med lin er og brukande. Men kanskje kunne der vera eit tredje alternativ som kan vera vel so rimeleg: at ordet kjem av det gamalnorske adjektivet LINR, som tyder mjuk, blaut o. l. Dette ordet er framleides levande, t. d. i det samansette ordet linnver. Namnet har då opphaveleg vore brukt om heile "dalen" innover frå Løgesteinen til Våland, der det var mykje myr og blaut jord.

Lindal var frå gammalt støl under Obrestad og var matrikulert under eller saman med denne garden heilt til 1850. Sidan har garden hatt eiga matrikkel-skuld, 2 dalar 2 ort 4 skilling (ny skuld 1 mark 98 øre). I futerekneskapen er Lindal nemnd første gongen i 1833, og då utan serskild landskuld.

Den første me veit om som budde på Lindal var:

NAMNEREGISTER

1. Frede Lindal
2. Laurits Rasmusson
- 2B. Snare Lindal
3. Herman Jakobson
4. Ola Paulson
5. Guttorm Lindal
6. Størkard Lindal
- 6B. Rasmus Ueland
- 6C. Jakob Lindal
- 6D. Nils Toreson
7. Ola Olson
8. Osmund Karlson
9. Jens Hansson

10. Asbjørn Jonson Bjorheim
11. Stig Olson Bø
12. Nils Lindal
13. Elling Vikanson Ånestad
14. Tollak Tollakson Ueland
15. Jon Svaleson Djøseland
16. Torkel Torkelson Eidland
17. Sven Kristianson Næse
18. Eivind Hansson Risa
19. Tarald Eivindson Grøtheim
20. Klaus Klausson Berland
21. Ola Sigbjørnson Tengesdal
22. Ådne Olson Lindal
23. Eivind Taraldson
24. Ole Andreas Ådneson
25. Gabriel Ståleson Kvinlaug
26. Karl Gabrielson Frøyland
27. Enevald Halvardson Berland
28. Tobias og Tolleiv Lindal
29. Eivind T. Lindal

1. Frede Lindal. Han var son til Bård Ueland i Varhaug og kona Ingeborg Paulsdtr. (sjå Ueland 6.). Han er nemnd i skifte etter mora den 12-6 1676. Han er då kalla Frede Lindal. Sidan er han ikkje nemnd.

2. Laurits Rasmusson på Lindal i 1701, 50 år.

2B. Snare Lindal hadde stevnt Erik Onga til Valle Skipreideting den 2. desember 1709 "for hvis hand haver hannem til at tale," og gjera eid om kva som fanst etter sonen hans, Aslak Snareson, som drukna i "Vouflen" sommaren før. Dette er alt me veit om Snare Lindal.

3. Herman Jakobson var husmann på Lindal i 1706. Han var fødd i Lister Lehn (Vest Agder) kring 1646. — 2 barn er nemnde:

1. Aslak, fødd i Stavanger.
2. Herman, fødd i Stavanger kring 1686

4. Ola Paulson var husmann og smed og budde på Lindal i 1706. Han var fødd i Gjesdal kring 1650, død 1712, skifte etter han 15-2 det året. — Kona heitte Siri Olsdotter. 2 barn er nemnde ved skiftet:

1. Ingeborg Olsdotter Lindal, fødd kring 1706. Ho fekk ein tragisk lagnad. Ho tente hjå sersjant Ola Knutson Næsheim. I 1750 vart ho skulda for å ha drepe 3 barn som ho hadde fødd i duls-mål, og som ho skulda Ola Knutson for å vera far til. Det vart ei lang rettsak, og Ingeborg vart dømd frå livet. (Sjå under Næsheim 41., — der heile dommen står.)
2. Guri Olsdr., f. 1709.

5. Guttorm Lindal må ha butt på Lindal i tida kring 1720 og frametter. Truleg var det han som er nemnd på Eikeland Aua i Oгна i 1705. Han var død før 1740. Kona heitte Malena Olsdotter. Men han hadde truleg først vore gift med enkja etter Ola Olson Eikeland Aua, Karen Olsdr. Malena Olsdr. vart sidan gift med Nils Toreson Lindal, og det er ved skiftet etter han me får vita om barna hennar med Guttorm. Dei var:

1. Ola Guttormson.
2. Astrid Guttormsdr., f. 1716, gift 1) med Bård Simonson Litle Undheim, gift 2) 1759 med Ola Hansson på Oma.
3. Anna Guttormsdr., f. 1720, gift 1) med Ola Asbjørnson Tunheim, gift 2) med Gregorius Mortenson Tunheim.
4. Ranveig Guttormsdr., f. 1725, gift med Aslak Samuelson Tunheim.
5. Berta (Marta?) Guttormsdr., gift med Ola Samuelson Tunheim.

I boka om Berntsen-Ætten av Ola Aurenes, seier forfatteren på side 87 om Guttorm Olson Kartevoll og Mari Tollaksdr. at dei hadde barna Barbro, Marta og Tollak. Tru om Guttorm Lindal og Guttorm Kartevoll kunne ha samanheng på ein eller annan måte. Dei to av Guttorm Kartevoll sine barn, Tollak og Marit, var nemleg tvillingpar og døypte i Oгна frå Eikeland i 1705.

6. Størkard Lindal var leiglending på Lindal under Peder Obrestad i 1722. Det året hadde Peder Obrestad stevnt Størkard Lindal for han hadde nekta skyss for Peder.

6B. Rasmus Lindal var truleg son til Halvard Tjærandson Ueland i Varhaug (sjå der 14. 1.). Han må ha butt på Lindal frå kring 1713, og var gift med enkja etter Ola Paulson, Siri Olsdotter.

Rasmus Halvardson Ueland var soldat i Kristiansand i 1712, men kunne vel ha kome til Lindal i 1713 for det. Han var fødd kring 1676. Der er nemnde 3 barn:

1. Ola Lindal Bø (sjå Bø 58.).
2. Rasmus Rasmusson Lindal tente på Opstad i 1758, 36 år.
3. Kari Rasmusdr. Lindal tente på Våland i 1758, 36 år.

6C. Jakob Lindal var stevnd til Vårtinget i Kvia skipreide i 1714, saman med Rasmus Lindal, av lensmann Erik Hobberstad, fordi dei nekta å sko hestane og skyssa til Hausttinget året før. Det er uvisst kven han var. Han har butt på Lindal samstundes med Rasmus.

6D. Nils Toreson Matingsdal var son til Tore Nilsson Matingsdal i Oгна og kona Kari Ellingsdr. Han var fødd kring 1708, død på Lindal i 1741, skifte etter han 5-2 1742. Gift med enkja etter Guttorm (5.), Malena Olsdotter. Ikkje barn.

7. Ola Olson Litle Undheim var son til Ola Olson og Siri Hansdr. Litle Undheim. Eller var mor hans kanskje Marta Svensdr.? Han var gift med Malena Olsdr., truleg enkja etter 6D. Dei var barnlause. Som arvingar er nemnde morbroren Sven Svenson Litle Undheim, morbroren Salig Mikkel Undheim sine barn, morbroren salig Dagfinn Njærheim sin sone-son, Salomon Hansson, mosters mann Simon Litle Undheim, gift med Siri Svensdr., mosters mann Skiljan Årestad, gift med Astrid Svensdotter og mosters mann Tollef Store Undheim, gift med Sissel Svensdotter.

8. Osmund Karlson Fuglestad var son til Karl Håvardson Fuglestad i Oгна. Han var fødd i 1692, død på Lindal i 1753, skifte etter han 2-5 det året. Gift 1) med Torborg Olsdotter Engene i Oгна som døde i 1736, gift 2) 1736 med Malena Torkelsdr., fødd i Time kring 1708. Osmund hadde butt på Engene under Hadland i Oгна. — Den 3-6 1736 brann huset deira, og Torborg brann inne saman med 3 barn. Dei hadde 2 barn til som døde ei stund etter brannen. Malena Torkelsdr. gifta seg att med Jens Hansson. — Osmund hadde ei dotter i andre gifte:

Torborg Osmundsdr., fødd kring 1748.

9. Jens Hansson Vetteland, var son til Hans Hansson Vetteland i Oгна og kona Berit Ørjansdr. Han var fødd i 1727,

døpt i Bø kyrkja, død på Skoreberg under Gausland 12-9 1798. Gift med enkja etter Osmund Karlson Engene i Ogna, Malena Torkelsdotter, fødd i Time kring 1708. Dei hadde ikkje barn, men Malena hadde eit barn: Torborg Osmundsdr., f. i Ogna kring 1742. Jens Hansson var vel systerson til Tolleiv Ørjanson som budde på Risa og Gausland. Han var på Lindal i 1758.

10. Asbjørn Jonson Bjorheim (Bjorheim i Varhaug 9. 1.). Han var fødd kring 1728, død 15-10 1792, skifte etter han 6-7 1793. Gift med Inger Jespersdotter Sikvaland, fødd kring 1732 (sjå Risa 36. 2.). Asbjørn budde på Risa i 1751, men var komen til Lindal før 1758, for det året vart både han og Jens Hansson oppførde der. — Asbjørn og Inger hadde 7 barn:

1. Elisabet Asbjørnsdr., f. 1751, d. før 1793.
2. Lars Asbjørnson Håland, f. 1753 (Håland, Varhaug 30.).
3. Malena Asbjørnsdr., f. 1755, død på Lindal 2-7 1840.
4. Eivind Asbjørnson, f. 1758, var i kongens tenest i København i 1793. Ikkje nemnd sidan.
5. Jesper Asbjørnson Torland (Torland 45.).
6. Ingeborg Asbjørnsdotter, f. 1770, gift med Jon Svaleson (15.).
7. Asbjørn Asbjørnson var myndig i 1793, d. 25-11 1819, 48 år gamal og ugift.

11. Stig Olson Bø (sjå Bø 45. 2.) var fødd kring 1729, død 1786, skifte etter han 21-6 det året. Han var gift med Karen Eriksdotter Gausland, fødd kring 1737, død 1-8 1818 (sjå Gausland 9. 4.). Dei hadde ein son:

Erik Stigson. Eg veit ikkje meir om han.

12. Nils Lindal er nemnd i 1789 då han hadde ei dotter til dåpen. Eg tykkjest vera viss om at han var den Nils Pederson Kartevoll som var gift i Time i 1784 med Ingeborg Roaldsdotter. **Han** budde seinare på Eikeland Aua i Ogna. Nils må ha teke over plassen etter Stig Olson. Dottera var:

Barbro Nilsdotter, fødd 1739, gift i Ogna 1827 med Tore Larsson Mathingsdal.

13. Elling Vikanson Ånestad, son til Vikan Salomonson Ånestad i Varhaug (sjå der 35. 7.). Han var fødd kring 1753, gift 11-3 1789 med Kirsten Assersdotter Vigre,

fødd kring 1760 (sjå Vigre 30. 1.). Elling budde ikkje lenge på Lindal. Truleg var han komen der etter Nils, men alt i 1795 var han komen til Pollestad i Klepp. Ei dotter var fødd på Lindal:

Elen Ellingsdr., f. 27-10 1792.

Deira son var Elling Ellingson Kvaselbakken (Hobberstad 44.).

14. Tollak Tollakson var komen til Lindal før 1801, truleg etter Elling Vikanson. Han var son til Tollak Tollakson Kartevoll i Time og kona Berit Pedersdr. Han var f. på Kartevoll i 1733, d. på Litle Undheim 7-7 1814. Tollak var husmann på Lindal i 1801, men hadde buttt på Aniksdal og Ueland i Varhaug (sjå meir om han Ueland 30.).

15. Jon Svaleson var son til Svale Olson Djøseland i Varhaug og kona Berta Jonsdr. (sjå Djøseland 18. 1.). Han var fødd kring 1762, gift 29-9 1793 med Ingeborg Asbjørnsdr. Lindal (10. 6.), fødd kring 1770. Han var husmann på Lindal i 1801, men var komen til Mjølhus i Ogna i 1804. 3 barn:

1. Svale Jonson Mjølhus, f. 30-8 1795, gift 15-10 1815 med Marta Pedersdr. Efstad i Varhaug (sjå der 36. 6.).
2. Elisabet, f. 14-4 1800, d. 15-5 s. å.
3. Asbjørn, f. 8-11 1801, d. på Mjølhus 25-3 1804.

16. Torkel Torkelson var son til Torkel Johannesson Eidland i Gjesdal og kona Gjøa Olsdr. frå Bollestad. Han var f. i 1773, d. 25-10 1857, gift 25-10 1801 med Kari Guthormsdotter Litle Undheim, f. 1772, d. 8-10 1860, dotter til Guthorm Tollakson Litle Undheim og kona Kari Andersdr. Guthorm Tollakson var truleg sone-son til Guthorm Lindal (4.). Torkel kom til Lindal i 1802 etter Tollak Tollakson, som flutte til Litle Undheim. I 1809 flutte Torkel til Litle Undheim att. — Av dei 9 barna var dei 4 fødde på Lindal:

1. Torkel Torkelson, f. 17-10 1802, gift 10-6 1824 med Guri Jespersdr. Skårland. Budde på Skårland, seinare på Fotland i Time.
2. Karen, f. 3-9 1804, gift 21-6 1825 med Sven Svenson Litle Undheim.
3. Gabriel Torkelson, f. 13-8 1806 (sjå Våland 24.).
4. Guri, f. 29-6 1808, gift 14-5 1834 med Villas Olson Tjåland (Næsheim 91.).

17. Sven Kristianson var son til Kristian Torkelson Nese i Gjesdal og Karen Svens-

dr. Han var f. 1774, gift 19-2 1801 med Torgjerd Endresdr. Sikveland, f. 1782, dotter til Endre Roaldson Sikveland i Time og kona Valborg Tolleivsdtr. Sven byksla Lindal av Hans Gunnarson og Tjøl Erikson Obrestad i 1804, truleg etter Jon Svaleson. I 1815 flutte han til Gausland, der han sidan vart buande (sjå* der 20.).

18. Eivind Hansson Lye (sjå Risa 50. 5.), fødd kring 1775, gift 1) 1803 med Ranveig Guthormsdr. Litle Undheim, fødd 1770, død 1809, gift 2) 1810 med Karen Hermansdotter Vestly, fødd 1782. Eivind budde ei tid på Lindal etter verbroren Torkel Torkelson, truleg frå 1808 til 1810. Sidan budde han på Fjellet under Lye. Ingen barn var fødde på Lindal. Ein son var Hans Eivindson Tjåland, gift med Sofia Svensdr. Litle Undheim.

19. Tarald Eivindson var son til Eivind Taraldson Grøtheim i Time frå Torland (sjå Torland 24. 3.). Han var f. 1777, d. 12-9 1867, gift 10-2 1809 med Gjertrud Malena Ivarsdtr. Risa, fødd kring 1787 (sjå Risa 50. 2.). Ho var syster-dotter til Eivind Hansson, og Tarald byksla den parten av Torsten Torstenson og Jon Larsson Obrestad i 1810. — Tarald og Gjertrud Malena hadde 4 barn:

1. Marta, f. 3-11 1818, d. 16-4 1870, ugift. Ho hadde ein son: Ola Olson, f. 20-7 1849, d. på Løge 14-8 1895, gift 2-4 1875 med Ingeborg Kirstine Olsdotter Tunheim. (Sjå Folk på Sandnes Nr. 984.)
2. Eivind Taraldson Lindal, f. 2-5 1821 (23.).
3. Ivar, f. 3-11 1823, d. 21-12 1853, ugift.
4. Tarald, f. 26-10 1827.

20. Klaus Klausson er nemnd på Lindal i 1816, då han hadde ei dotter til dåpen. Kona heitte Elisabet Olsdr. — Det var truleg dei som var gifte i Bjerkreim 2-7 1813. Klaus var då son til Klaus Ellingson Hegelstad, og Elisabet dotter til Ola Karlson Bjordal. Klaus må ha teke over parten etter Sven Kristianson i 1815. I 1818 er dei på Berland i Bjerkreim. Ei dotter:

Anna Klausdotter, f. 15-2 1816.

21. Ola Sigbjørnson var son til Sigbjørn Olson Tengesdal i Bjerkreim og kona Ingeborg Olsdr. Han var f. 1788, d. 13-7 1879, gift i Bjerkreim 7-11 1811 med Inger Adnesdr. Kleppeli, f. 1788, d. 3-9 1873, dotter til Adne Torkelson Kleppeli

i Bjerkreim og kona Kari Torgersdr., f. Vindingland. — Ola Sigbjørnson kom til Lindal i 1818 og byksla parten etter Klaus Klausson av Peder Hansson og Tjøl Erikson Obrestad. Dei hadde 8 barn, 3 fødde på Berland i Bjerkreim og 5 på Lindal:

1. Sigbjørn Olson Risa, fødd på Berland 19-4 1812 (Risa 71.).
2. Ingeborg, fødd på Berland 11-10 1814, gift med Tønnes Hansson Våland (Våland 22.).
3. Aadne Olson Lindal, f. 5-7 1816 (22.).
4. Berta Karina, f. på Lindal 30-9 1818, gift 15-11 1849 med Rasmus Olson Bratland (sjå Årsland i Varhaug 32.).
5. Anna, f. 25-12 1820, gift med Jonas Svenson Søyland (Søyland 38.).
6. Ola Olson Risa, f. 8-7 1828 (Risa 75.).
7. Ingeborg d. y., f. 8-9 1828, gift 27-3 1856 med Ola Olson Bratland (sjå Sør-Varhaug 100.).
8. Tønnes Andreas, f. 6-2 1826, død på Varhaug 23-5 1914, gift 27-3 1851 med Elen Omundsdtr. Hetland i Ogna, f. 7-6 1826. Han byksla Sørskog i Ogna av Hans Abel Hjort i 1856.

22. Ådne Olson Lindal, son til 21., f. på Berland i Bjerkreim 5-7 1816, d. 6-3 1884, gift 17-11 1842 med Anna Gurina Olsdr. Risa, f. 27-3 1818, d. 10-5 1896 (Risa 64. 1.). Ådne kjøpte Lindal bnr. 2 av Erik Tjølson og Hans Pederson Obrestad i 1843 for 100 spd. + følge til foreldra. Ådne Olson var sersjant. I 1852 kjøpte broren bruket og Ådne budde då på Søyland til 1854, og i 1857 kjøpte han att av broren, Tønnes Andreas, som då budde på Sørskog. Ådne fekk 9 barn:

1. Ole Andreas Lindal, f. 28-2 1843 (24.).
2. Ola, f. 1-12 1844, d. 6-9 1869, ugift.
3. Johannes, f. 8-11 1846, d. 31-12 1869, ugift.
4. Ådne Georg, f. på Søyland 16-5 1852, d. 23-4 1853.
5. Ådne Georg, f. på Lindal 4-4 1854, d. 5-6 1855.
6. Anna Guria, f. 24-10 1856, gift 29-5 1879 med Jesper Pederson Mossige.
7. Ådne, f. 7-5 1859.
8. Hanna Tomine, f. 19-1 1862, d. 4-1 1875.
9. Anne Birgitte, f. 30-7 1849, d. på Heland i Time 24-5 1883, gift med Olai Tolleivson Helland.

23. Eivind Taraldson Lindal, son til 19., f. 2-5 1821, d. 8-3 1911, gift 3-6 1858 med Guri Toresdr. Tjåland, f. 13-6 1831, d. 10-5 1920, dotter til Tore Jonson Tjåland

i Time og kona Marta Kirstina Jonsdtr. Eivind kjøpte Lindal bnr. 1 av T. T. og Jon Larsson Obrestad i 1873 for 300 spd. Dei fekk 5 barn:

1. Tollef Lindal, f. 16-3 1859, d. 13-4 1947, ugift. Han kjøpte bnr. 1 saman med broren Tobias i 1891 av Enevald Halvardson. Stod åleine som eigar av det bruket i 1906.
2. Tobias, f. 27-4 1861, d. 1-4 1862.
3. Tobias Lindal, f. 19-2 1863 (28.).
4. Eivind Lindal, f. 9-1 1867.
5. Johan Theodor Lindal, f. 21-1 1870, d. 17-2 1958, gift med enkja Tilla Maria Østvoll, f. 11-10 1871. Han var underoffiser og egg-grossist. — Budde på Sandnes.

24. Ole Andreas Ådneson, son til 22., f. 28-2 1843, d. 5-10 1879, gift 7-11 1878 med Taletta Maria Johannesdtr. Våland, f. 1-8 1857 (sjå Våland 28. 1.). Ikkje barn. Ole Andreas kjøpte bnr. 2 av faren i 1879 for 800 kroner + følge. I 1886 gifta enkja seg med Sven Tønnesson Mauland, og Lindal vart selt.

25. Gabriel Ståleson Qvinlaug var son til Ståle Gunnarson Qvinlaug i Fjotland, Vest Agder. Han var f. 2-8 1841, gift 1) 9-9 1875 med Gurine Svendsdtr. Sikveland, f. 1838, dotter til Sven Endreson Sikveland i Gjesdal og kona Ingeborg Maria Karlsdtr., gift 2) 20-11 1877 med Karen Eriksdtr. Sæland i Time, f. 16-12 1849. Gabriel Ståleson var skulelærer. Han står som eigar eller brukar av bnr. 2 på Lindal frå 1880 til 1881. Han var på Taksdal i Time i 1884.

26. Karl Gabrielson Frøyland (han er kalla Gudmestad i futerekneskapen), var son til Gabriel Larsson Frøylandsbrekko i Time og kona Ingeborg Torgersdotter. Han hadde kjøpt bnr. 2 av enkja Taletta Maria Johannesdotter for 1200 kroner, kring eller i 1881. Han var visst på Lindal til 1885. Sidan var han på Kvia, Motland og Kruso av Bjorhaug. Han skulle vore svært lite for seg, men eit eller anna sermerkt måtte der vore med han, for han gjekk til vanleg under namnet "Den Kåde". At han var kalla Gudmestad kom seg vel av at han hadde vore hjå Nils Nilson Orstad som budde på Gudmestad og var gift med Karl si syster. Karl var

gift i Time 22-4 1887 med Berta Kirstina Gunnarsdtr. Rimestad, f. 19-2 1858, dotter til Gunnar Jakobson (Rimest. 52. 2.).

27. Enevald Halvardson Berland var son til Halvard Svenson Berland i Bjerkreim og kona Serina Ellingsdtr. frå Tjåland i Time. Han hadde butt på Gausland før han kom til Lindal (sjå Gausland 33.). I 1885 kjøpte han bnr. 2 på Lindal med skjøte frå Sven Tønnesson Mauland for 2600 kroner + følge til enkja Anna Gurie Olsdtr. I 1891 selde han til brørne Tollef og Tobias Lindal, og flutte til Torkjels-holen på Tunheim i Time. Enevald Halvardson var den tredje som var komen til Lindal frå Berland i Bjerkreim (sjå 20. og 21.).

28. Tobias Eivindson Lindal, son til 23., f. 19-2 1863, d. 7-4 1956. Gift med Karen Serina Mellemstrand, f. 5-6 1868, d. 16-12 1936, dotter til Jonas Jensson Mellemstrand og kona Karen Serina Nilsdtr., Eikeland i Bjerkreim. Tobias og broren Tolleiv Lindal åtte og brukte heile Lindal ihop, å dømme etter futerekneskaps-protokollen. Men i matrikkelen av 1906 står Tolleiv med bnr. 1, og Tobias med bnr. 2. I manntallet for 1900 står Tobias for alt med Tolleiv som lem i huslyden. Tobias og Karen Serina hadde 5 barn:

1. Gurine Lindal, f. 7-11 1893, gift med Hans Antonson Bjorland (Bjorl. 32B.).
2. Eivind Lindal, f. 23-12 1895 (29.).
3. Karen Serina Lindal, f. 18-2 1898, gift med Tønnes T. Gudmestad (Gudmestad 63.).
4. Ingebjørg Lindal, f. 7-2 1901, gift 10-6 1933 med Bernhard Puntervoll (sjå Opstad 104.).
5. Klara Lindal, f. 30-12 1904, d. 4-1 1941, gift med Peder Pederson Helland.

29. Eivind T. Lindal, son til 28., f. 23-12 1895, d. 14-10 1966, gift 1936 med Hanna Bjorheim, fødd i Varhaug 12-6 1914 (sjå Bjorheim, Varh. 29. 3.). Eivind Lindal tok over heile Lindal etter faren i 1930. Barn:

1. Tobias Lindal, f. 25-1 1938, gift med Elen Auestad.
2. Ole Johannes Lindal, f. 24-11 1940.
3. Karen Serina Lindal, f. 21-5 1946, gift med Paul Undheim.
4. Gerd Lindal, f. 28-2 1951.

G.nr. 35. Opstad

(med SVINE, g.nr. 34 og ÅNO, g.nr. 36)

Skrivemåten har vore: 1563 Opstad, 1606 Oibstad, 1668 Obstad med Meelland, 1723 Opstad*.

Namnet er vandt å tyda. Det kjem mest truleg av eit mannsnamn. O Rygh trur det kan koma av Ulfr eller Alfr. Melland eller Mellen er enno kjent. Skrettings-Mellen. Kva Sveine kjem av er uvisst. Åno eller Aen, kjem av Å, Elv. Tvihaug-Åno som renn framom den staden.

Dessutan ligg plassene Årdal, Harvaland og Kanaheio til Opstad under gnr. 35. Heile Opstad hadde ei korn landskuld på 2 pund i 1723. Alt var bondegods, men sjeldan åtte oppsitjarane bruka sine. Frå 1723 til 1832 var berre 2 oppsitjarar sjølveigande.

Garden skiftar i vest med Ånestad i Varhaug og Håland i Nærbø, i sør med Tvihaug i Varhaug, i nord med Håland og Bø og i aust ned Våland og Lindal og visst Helland i Time og Ueland i Varhaug. Terrenget er brattlendt grus og leirjord med mykje torvmyr lengst mot aust.

NAMNEREGISTER

1. Tarald
2. Laffritz
3. Siwre
4. Niels
5. Joren eller Jørund
6. Elling (Omundson?)
7. Tjærand Helgeson
8. Olluff
9. Rasmus
10. Pa.,ul Olson
11. Torgier Opstad
12. Aslak Halvardson Torland
13. Aslak Ellingson
14. Ola Paulson d. e.
15. Ola Paulson d. y.
16. Tjærand Paulson
17. Erik Larsson Torland
18. Sven Ivarson
19. Ola Stefanson
20. Ivar Svenson Opstad
21. Johannes Erikson
22. Omund Tjærandson Tjemsland
23. Helge Tjærandson Opstad
24. Liødel Olson
25. Helge Amundson Vigre
26. Sven Helgeson Opstad
27. Henrik Larsson Time
28. Tore Pederson Ueland
29. Johannes Toreson
30. Aslak Pederson Åno
31. Sven Knutson Varhaug
32. Torsten Kristenson Åno
33. Rasmus Larsson Kvia
34. Rasmus Pederson Voll
35. Jon Olson Bø
36. Ola Reiarson Gausland
37. Omund Svenson Tjensvoll
38. Peder Andersson Åno
39. Peder Tollakson Åno
40. Ola Ellingson Gudmestad
41. Sven Olson Opstad
42. Rasmus Tjølson Kydland
43. Isak Olson Kvia
44. Eivind Svenson Ånestad
45. Asbjørn Ellingson Svæla
46. Elling Asbjørnson Opstad
47. Svale Svenson Åno
48. Jon Gunnarson Åniksdal
49. Lars Henrikson Årdal
50. Salve Larsson Kanaheia
51. Henrik Larsson Årdal
52. Jon Rasmusson Opstad
53. Peder Larsson Kvia Åno
54. Rasmus Larsson Kvia Åno
55. Mikkel Larsson Kvia Opstad

*) Oppstad-namnet kjem vel av Uppstad — ein stad som ligg noko høgt — etter det nyare forskarar er komne fram til.

56. Hans Salveson Kanaheia
 57. Ola Pederson Sveine
 58. Jon Gunnarson Vigrestad
 59. Peder Svaleson Pollestad
 60. Peder Pederson Ægro
 61. Tore Osmundson Herigstad
 62. Rasmus Rasmusson Opstad
 63. Sven Svenson Håland
 64. Asbjørn Ellingson Opstad
 65. Hans Ellingson Opstad
 66. Hans Olson Jønneberg
 67. Peder Olson Sveine
 68. Lars Henrikson Årdal
 69. Jakob Henrikson Årdal
 70. Sven Pederson Ægro Opstad
 71. Tønnes Ådneson Høyland
 72. Hans Rasmusson Åno
 73. Rasmus Jonson Opstad
 74. Lars Mikkelson Opstad
 75. Salve Hansson Kanaheia
 76. Gunnar Jonson Opstad
 77. Ola Hansson Norheim
 78. Jon Jonson Opstad
 79. Erik Bendikson Lode
 80. Mikkel Larsson Opstad
 81. Rasmus Larsson Opstad
 82. Rasmus Hansson Åno
 83. Omund Toreson Gudmestad, Sveine
 84. Peder Pederson Rosland
 85. Kristian Risa
 86. Alakias Årdal
 87. Andreas Årdal
 88. Elling Hansson Opstad
 89. Jonas Jonasson Triluren, Sveine
 90. Sven S. Opstad Ægro
 91. Jon Rasmusson Opstad
 92. Sem Erikson Opstad
 93. Hans Hansson Opstad
 94. Jon Olson Fotland Kanaheia
 95. Kaspar Nikolai Krag
 96. Bertel og Elias Opstad
 97. Siver Henrikson
 98. Johannes Johannesson Eikeland Åno
 99. Peder Jonson Opstad
 100. Ola Olson Engelsvoll
 101. Rasmus Jonson
 102. Magnus Gerhard Opstad
 103. Andreas Tollefson Ueland
 104. Bernhard Puntervoll
 105. Ole Jonson Opstad
 106. Sigfred Ueland
 107. Gustav Opstad
 108. Alfred Årdal
 109. Elling Håland
 110. Jon R. Opstad
 111. Lars R. Opstad
 112. Gabriel Lende
 113. Opstad Tvangsarbeidshus
1. **Toral** er nemnd på Opstad i 1519/1521.
 2. **Laffritz** er nemnd 1519/1521.
 3. **Siwrd (Sjur)** er nemnd i 1521.
 4. Niels er nemnd 1521.
 5. **Elling (Osmundson?)** er nemnd på Opstad i 1563. Han skatta 1 dalar. Budde truleg seinare på Vestly (sjå Bø 4.).
 6. **Joron** eller **Jørund** er nemnd i 1563. Han skatta 1 dalar.
 7. **Tjærand Helgeson** er nemnd i 1591.
 8. **Olluff** er nemnd i 1602/1603. Truleg var han far til:
 1. Paul Olson Opstad (10.).
 2. Torgier Olson Opstad (11.).
 9. **Rasmus Opstad** er nemnd i 1602.
 10. **Paul Olson Opstad** er nemnd 1602 til 1624 og 1645. Han gav IV₃ vett leidang i 1624. Truleg var han gift med anten enkja etter, eller dotter til, Tjærand Helgeson. Me kjenner 7 barn:
 1. Ola Paulson Opstad, f. 1610 (14.).
 2. Tjærand Paulson Opstad, f. 1612 (16.).
 3. Kirsten Paulsdr., gift 1) med Aslak Halvardson Opstad (12.), gift 2) med Aslak Ellingson Opstad (13.).
 4. Kristen Paulson, gift med Gunbjørg Bø (sjå Bø 30.).
 5. Ingeborg Paulsdotter, gift med Bård Ueland (sjå Ueland, Varhaug 6.).
 6. Ingrid Paulsdr. var gift på Håland, død før 1689.
 7. Ola Paulson Opstad d. y., f. 1620 (15.).
 11. **Torgier Olson Opstad**, son til 8., er nemnd 1613/1624. Han var laugrettesmann i 1627, gav IV₃ vett leidang i 1626. Kona er uviss, og likeeins barna. Eg har sett opp 3 søner og 1 dotter som muleg kunne vore hans:
 1. Ola Torgierson Opstad, gift med Inger Rasmusdotter Fuglestad i Ogna. Ola Opstad vart drepen av Ola Olson Hobberstad i 1635, og enkja sidan gift med Laurits Torland (Opstad 11. 3.). Ola og Inger hadde ei dotter: Torborg Olsdr., gift med Erik Jakobson Bratland (sjå Bratland i Varhaug 5.).
 2. Mons Torgierson Bjorland (Bjorl. 2.).
 3. Rasmus Torgierson Tjemsland (sjå Nord-Tjemsland 6.).
 4. Guri, gift med Ola (sjå Stavgr. Domkap. Protokoll side 219).
 - 11B. Mons Torgierson, son til 11., var fødd kring 1585, død på Bjorland 1670.

Gift med Berit Ormsdtr. Bjorland. Mons brukte ein part på Opstad før han flutte til Bjorland (sjå meir om han på Bjorland).

11C. **Laurits (Lars Larsson) Torland** (sjå Torland 13.), var fødd kring 1614. Han skulle vore gift med enkja etter Ola Torgierson Opstad, Ingrid Rasmusdotter (sjå under 11. 1.). Det er litt rart at barna er så unge, sidan Ola Torgierson døde i 1635. Laurits må ha vore mykje yngre enn Ingrid, som hadde ei dotter fødd før 1635. Det er ikkje visst kor lenge han budde på Opstad. Han flutte seinare heim til Torland, og broren Erik Larsson kom til Opstad (sjå Torland 13.).

12. **Aslak Halvardson Torland** (Torland 12. 1.) var død før 1665. Kring 1640 vart han gift med Kirsten Paulsdotter Opstad (10. 3.). Han er nemnd som laugrettesmann i 1642. Han hadde 4 barn:

1. Peder Aslakson Vestly, f. 1644, gift m. enkja etter Ola Svenson Tvihaug, Gjertrud Hansdotter frå Vestly (Tvihaug 9.).
2. Kristofer Aslakson Ogna, f. 1647, gift 1) med ukjend, gift 2) med enkja etter Rasmus Tengs, Tala Jakobsdtr. Budde på Ogna.
3. Malena Aslaksdtr., gift 1) med enkjemann Erik Jakobson Lode, gift 2) med Ola Lode (sjå Lode 16. og 21.).
4. Astrid Aslaksdtr., gift 1) m. Johannes Erikson Opstad (21.), gift 2) med Omund Tjærandsen Opstad (22.).

13. **Aslak Ellingson Voll** (Voll, Varhaug 9. 1.). Han var fødd kring 1625 og levde i 1687, men var død før 1701. Gift med enkja etter Aslak Halvardson, Kirsten Paulsdtr. Skifte etter Kirsten 23-9 1687. Dei hadde ikkje barn.

14. **Ola Paulson Opstad**, son til 10., var fødd kring 1610, død 1676, skifte etter han 10-4 det året. Han var gift med Ranveig Ljødesdotter Håland (store Håland 1. 4.). Han brukte 8 spand i 1665. Dei hadde 4 barn:

1. Paul Olson, f. 1660. Budde på Litle Undheim i Time.
2. Omund Olson, gift med Kirsten Paulsdtr. Helland. Budde på Nere Helland i Time.
3. Ljøde Olson Opstad, f. 1663 (24.).
4. Knut Olson, var død før 1693.

15. **Ola Paulson d. y.**, bror til 14., var fødd kring 1620 og levde i 1701. Gift med

Sygni Rasmusdotter Ueland, som der var skifte etter 27-9 1694. Han brukte 8 sp. i 1665 (sjå Ueland i Varhaug 7. 4.). — Ikkje barn.

16. **Tjærاند Paulson**, son til 10. og bror til 14. og 15. Fødd kring 1612, gift med Malena Halvardsdtr. Torland, syster til 12. Tjærاند brukte 12 spand i 1665. Han er kalla laugrettesmann i 1632 og 1656. Har ikkje funne skifte etter korbje han eller kona, men me kjenner 4 barn:

1. Ola Tjærandsen Friestad, f. 1645, gift 1) med enkja etter Ola Jonson Friestad i Klepp, gift 2) med Gunhild Rasmusdtr. Riskild.
2. Halvard Tjærandsen Ueland, f. 1654 (Ueland i Varhaug 14.).
3. Helge Tjærandsen Opstad, fødd 1661 (23.).
4. Sissel Tjærandsdtr., gift 1) med Ola Håland, gift 2) med Rasmus Rasmusson Håland (St. Håland 4. og 5.).

(Den 25-11 1673 hadde Kristen Steenson, på Anders Eie sine vegne, stemnt Tjærاند Opstad for 2 dalar som han skulda Anders på morbror sin sine vegne. Tjærاند vedgjekk skulda på morbror sin sine vegne, men han sa at han hadde avhenda ei kvern til Anders Eie for 2 dalar, og lova å betala dei 2 dalane når han fekk att kverna. Tjærاند vart til-dømt å betala Anders dei 2 dalane med sakskostnad.)

16B. **Laurits med Aaen**, husmann under Opstad, er nemnd i ei leiermålsak mot Einar Kvia og Joron Lauritsdtr. Laurits si dotter, den 29-6 1692 (sjå under Kvia 19.). Laurits er ikkje nemnd andre stader, og det er uvisst kven han var. Kona er ikkje nemnd.

17. **Erik Larsson Torland** (sjå Torland 11. 1.), truleg bror til 11C. Hadde nok butt på Torland før han kom til Opstad. Han var død før 1665, men budde på Opstad i 1645. Han var gift med Berit Halvardsdtr. frå Lintjörn i Ogna, som etter Erik gifta seg med Håvard Halvardson Torland (Torland 14.). Tru om Erik først hadde vore gift med Eli Johannesdtr.? Med veit om 3 barn:

1. Johannes Erikson Opstad (21.).
2. Peder Erikson Borsåk, gift 1674 med enkja etter Omund Borsåk, Kari Jonsdtr. frå Tu.
3. Maren Eriksdotter, gift med Asbjørn Olson Motland (St. Motland 12.).

18. **Sven Ivarson** (laugrettesm. i 1651),

var bror til Eivind Ivarson Frøyland i Time. Han var fødd kring 1620, skifte 1-4 1696, gift 1) med Marit Monsdotter, dotter til Mons Torgerson Bjorland (Opstad 11B.), gift 2) med Berit Olsdr. som der var skifte etter 19-9 1676. Ho åtte odelsgods i Efjestad i Varhaug. Gift 3) med Hanveig Larsdr. Helland, dotter til Lars Simonsen Store Helland i Time og kona Steinvor Olsdotter. Sven brukte $\frac{1}{2}$ pund i 1665. Han hadde 1 son i første gifte, 4 barn i andre og 2 i tredje gifte:

1. Mons Svenson Ueland, f. 1665, gift m. enkja etter Simon Larsson Ueland i Varhaug (bror til Mons si andre styk-mor) Magle Bårdsdotter frå Ueland (Ueland 12.).
2. Ivar Svenson, — budde i Stavanger i 1696 (Opstad 20.).
3. Sven Svenson var i Stavanger.
4. Ola Svenson var utanlands i 1696.
5. Marit Svensdr.
6. Eivind Svenson, f. 1681, d. før 1712.
7. Berit Svensdr., f. 1686, ugift i 1712 (gift med Aslak Pederson?).

19. Ola Stefanson var husmann hjå Sven Ivarson i 1665. Han var fødd kring 1606. Kunne han vore far til andre kona hans Sven? Der budde ein Ola Stefanson på Hårr i 1645.

20. Ivar Svenson, son til 18., gift med enkja etter Ola Paulson (14.), Ranveig Ljødesdr., som der var skifte etter 13-3 1693. Ivar brukte truleg dei 8 sp. etter Ola Paulson. Sidan vart desse 8 sp. skift millom dei andre 2 8-sp. bruka, slik at der vart 4 12-sp. bruk.

21. Johannes Erikson, son til 17., var gift med Astrid Aslaksdr. (12. 4.). Han har vel brukt dei 8 sp. som Aslak Ellingson hadde i 1665. Der var skifte etter Johannes 26-8 1700. Johannes og Astrid hadde 3 barn:

1. Erik(fødd kring 1685, levde i 1736, tente på Reime i 1758, 74 år.
2. Ola Johannesson Håland (sjå St. Håland 7.).
3. Eli Johannesdotter, gift med Rasmus Johannesson Risa (Risa 40.).

22. Omund Tjærandson var son til Tjærand Omundson Nord-Tjemsland i Varhaug og kona Berit Rasmusdr. (Nord-Tjemsland 11. 2.). Han var fødd kring 1670, skifte 12-12 1747, gift 1) 1700 med enkja etter Johannes Erikson, Astrid Aslaksdr., som der var skifte etter 4-5 1736, gift 2) 1736 med Malena Larsdr. Kvia,

fødd kring 1704 (Kvia 18. 2.). Omund brukte 12 sp. som han åtte i 1723. Han fekk 4 barn i andre gifte:

1. Lars Omundson Kverme, f. 1737, gift med enkja etter Salve Andersson Kverme i Oгна, Ingeborg Ellingsdr. Frie-stad.
2. Tjærand Omundson Haugstad, fødd 1738, gift 1) med Kirsten Nilsdotter Lintjørn, gift 2) med Agnette Johannesdotter Kverme (Haugstad i Varhaug 33.).
3. Astrid Omundsdr., f. 1741, gift med enkjem. Ola Knutson Grøtheim (sjå der 12.).
4. Omund Omundson, f. 1746, d. 2-9 1791, ugift.

23. Helge Tjærandson, son til 16., var fødd kring 1661. Truleg gift 1) med dotter til Kristen Jonson Tunheim frå Nærland (Ingeborg?), gift 2) med Eli Pedersdotter Skrettingland (sjå der 4. 8.). Helge byksla 12 spand i 1688 som Johannes Sørbo åtte. Han døde truleg kring 1724, men der er ikkje funne noko skifte etter korkje han eller noko kona. Av dei barna me veit om var truleg ein son av første gifte og dei andre av andre:

1. Kristen Helgeson Håland, fødd 1678 (Låge Håland 7.).
2. Tjærand Helgeson, var død før 1701.
3. Peder Helgeson Ueland, Njærheim, f. 1694 (Njærheim 61.).
4. Sven Helgeson Opstad, f. 1698 (26.).

24. Ljøde Olson, son til 14., var fødd kring 1663, gift med Elisabet Jonsdotter Risa (Risa 21. 1.), som der var skifte etter 23-11 1737. Dei var skyldde og måtte ha kongebrev for å få gifta seg. — Ljøde Olson hadde teke over 12 spand i 1691 som han brukte i 1718, og som enkja brukte til 1726, og Tolleiv Herlufson åtte. Men i 1720 åtte Rasmus Johannesson dei 12 spand. Ljøde hadde ei dotter:

Malena Ljødesdr., gift med Henrik Larsson (27.).

(Ljøde åtte 6 spand i Grøtheim i Time, som Rasmus Johannesson Risa fekk skjøte på i 1731 av Elisabet Jonsdr. og Henrik Larsson Opstad.)

25. Helge Ånundson Vigre (Vigre 15. 1.) var fødd kring 1665, død 1742, skifte 11-10 det året. Gift 1) med enkja etter Sven Ivarson (18.), Ranveig (truleg Randi) Larsdotter, som der var skifte etter 15-2 1712, gift 2) med Siri Einarsdotter Kvia (Kvia 19. 2.). Helge Ånundson tok over bykselen av 12 spand av Kristofer

Aslakson (Ogna) i 1696 etter Sven Ivarson. Tolleiv Herlofson åtte desse 12 sp. i 1723. Helge hadde 2 døtre i andre gifte:

1. Astrid Helgesdr., gift 1) med Sven Knutson, gift 2) med Ola Reiarson (31. og 36.).
2. Anna Helgesdotter, gift med Asbjørn Gunnarson Bø (Bø 60.).

26. Sven Helgeson Opstad, son til 23., fødd kring 1698, død kring 1760. Gift med Johanna Eilevsdotter Kvia, fødd kring 1700 (Kvia 16. 3.). Sven tok over bykselene av 12 spand etter faren i 1725 av Johannes Sørbø. Han hadde 4 barn:

1. Johannes Svenson. Veit ikkje anna om han enn at han hadde ein son: Ola Johannesson, som var hjå farfaren på Opstad i 1758, 3 år gamal.
2. Elen Svensdr., f. 1731, gift med Ola Ellingson (40.).
3. Helge Svenson Bø, f. 1735 (Bø 57.).
4. Sven Svenson, f. 1738, død på Opstad 23-6 1811, ugift.

27. Henrik Larsson Time var son til Lars Svenson Time og kona Else Henriksdr. frå Hauge i Klepp. Han var fødd kring 1703, død 1733, skifte 17-9 det året. Gift med Malena Ljødesdr. (24. 1.). Henrik Larsson tok over bykselen av 12 spand etter Ljøde Olson, som Tolleiv Herlufson åtte, i 1726. Dei hadde ikkje barn.

28. Tore Pederson Ueland, son til Peder Toreson Re frå Hauge i Klepp og kona Inger Tjærandsdr. frå Tjemsland. Han var fødd kring 1695, gift 1) med Karen Halvardsdr. Ueland i Varhaug, som der var skifte etter 12-12 1747, gift 2) med enkja etter Asbjørn Samuelson Skretting, Ingeborg Larsdr. frå Odland i Bjerkreim. Tore Pederson budde først ei tid på Ueland (sjå der 17.). Då Henrik Larsson Opstad var død tok han over bykselen av dei 12 spand i Opstad kring 1733. Henrik Larsson og Tore Pederson var tremenningar. Kring 1750 flutte Tore til Rimestad (sjå der 23.) og Rasmus Larsen tok over det bruket på Opstad. Tore hadde 4 barn i første gifte, 1 i andre:

1. Peder Toreson Bø, f. 1719 (Bø 52.).
2. Inger, f. 1717, gift med Rasmus Larsen (33.).
3. Halvard Toreson Reime, f. 1721 (Reime 19.).
4. Herborg Toresdr., f. 1732, gift med enkjemann Ola Johannesson Høyland (sjå der 31.).
5. Tore Toreson Rimestad, f. 1752 (Rimestad 27.).

Tore Pederson selde 8 spand odelsjord i Ueland til Jon Erikson Hobberstad i 1738 for 22 rdl.

29. Johannes Toreson var husmann på Opstad i 1718. Truleg var han der alt i 1701, men er ikkje oppført i manntallet då. Han budde truleg i Åno. Kona og barn er ikkje nemnde.

NB. Ei anna Nilsdr. Åen, 29 år, tente på Årslund i Varhaug i 1758. Ho var truleg dotter til Nils Størkardson Ægro i Ogna, som kanskje hadde butt på Åen under Opstad?

30. Aslak Pederson var husmann og budde i Åno. Der var skifte etter han 12-11 1741, gift med Berit Svensdr., som kunne vore dotter til Sven Ivarson (18. 7.)? — Kanskje ho hadde vore gift med Johannes Toreson før ho vart gift med Aslak? Det er uvisst kvar Aslak var frå. Han hadde 3 barn:

1. Ingeborg, fødd 1718, gift 1) med Ola Mikkelsen Dalen, gift 2) med Peder Jakobson Dalen under Tjemsland i Varhaug (Nord-Tjemsland 18. og 21.).
2. Peder Aslakson Høyland, f. 1726 (Høyland 51.).
3. Johannes, f. 1724.

31. Sven Knutson var son til Knut Ellingson Varhaug og kona Ingeborg Svensdr. frå Mossige (sjå Sør-Varhaug 27. 7.). Han var fødd kring 1705, skifte 13-4 1752, gift med Astrid Helgesdr. (25. 1.), fødd kring 1716. Sven tok over dei 12 sp. etter Helge Anundson som Tolleiv Herlufson åtte. 3 barn:

1. Helge Svenson, f. 1744, d. etter 1758.
2. Randi, f. 1747, gift med Torger Larsen Fosse i Time.
3. Knut Svenson Tvihaug, f. 1750, gift 1) med enkja Gjertrud Ivarsdr. Tvihaug (sjå Tvihaug 23.).

32. Torsten Kristenson var husmann i Åno i 1758. Son til Kristen Gregoriusson Skretting og Helga Larsdr. (Skretting 19. 4.). Han var fødd kring 1710, skifte 18-6 1774, gift 1) med Karen Karlsdr., fødd kring 1706, skifte 21-11 1769, gift 2) med enkja Barbro Torstensdr. Ånestad, f. 1737, dotter til Torsten Eliassoh Anestad i Varhaug og kona Barbro Aslaksdr. (Ånestad 32. 4.). Torsten hadde 4 barn i første gifte og 1 i andre:

1. Kristen Torstenson Tvihaug, f. 1744, gift med Berit Gjermundsdr. Tvihaug i Varhaug (sjå der 24.).
2. Helga Torstensdr., gift med Samuel

- Olson, budde i Åno 1769. Ho tente på Nærland i 1758, 21 år gamal.
3. Berit Torstensdr., f. 1745, tente på Vigrestad i 1758.
 4. Elen Torstensdr., f. 1751, død på Søyland 22-7 1830, ugift.
 5. Ole Torstenson Kongvaren, fødd 1772, gift med Elisabet Assersdr, Trillura (sjå Sør-Tjemsland, Varhaug 28.).
33. **Rasmus Larsson Kvia** (Kvia 18. 5.), fødd kring 1718, død 19-7 1805, gift med Inger Toresdr. Opstad, fødd kring 1717, død 1-9 1789 (Opstad 28. 2.). Rasmus byksla 12 spand etter Tore Pederson, som Tolleiv Herlufson åtte. Dei fekk 7 barn:
1. Berta Rasmusdr., f. 1748, gift med Eivind Svenson (44.).
 2. Karen Rasmusdr., f. 1750, gift med Sven Toreson N. Halleland (sjå der Varhaug 17.).
 3. Lars Rasmusson Håland, f. 1752 (Store Håland 15.).
 4. Tore Rasmusson, f. 1754, død før 1789, ugift.
 5. Ola Rasmusson, f. 1755, død før 1789, ugift.
 6. Rasmus Rasmusson Håland, f. 1759 (Låge Håland 10.).
 7. Anna Rasmusdr., f. 1763, gift med Hans Hansson Risa (sjå der 59.).
34. **Rasmus Pederson Voll** var son til Peder Rasmusson Voll i Varhaug og kona Torborg Johannesdr. (sjå Voll 20. 4.). Han var fødd kring 1722, død 1754, skifte etter han 13-2 det året. Han vart gift m. enkja etter Omund Tjærandsen (22.), Malena Larsdotter. Dei var barnlause.
35. Jon Olson Bø (sjå Bø 43. 5.), fødd kring 1725, død 25-9 1794, gift 1) 1754 med enkja etter 34., Malena Larsdr. som der var skifte etter 11-7 1791, gift 2) 6-11 1791 med Marta Ellingsdotter Voll, fødd 1759, dotter til Elling Ellingson Voll i Varhaug og kona Berit Ellingsdr. (sjå Voll 35. 1.). Jon Olson tok over dei 12 sp. som Rasmus Pederson hadde brukt etter Omund Tjærandsen. Han fekk ei dotter i andre gifte:
- Malena Jonsdr., f. 17-2 1793, gift med Ola Pederson frå Egro i Oгна. Budde på Skretting i Varhaug (75.).
36. **Ola Reiarson Gausland** (sjå Gausland 7. 8.), fødd kring 1719, død 30-4 1807, gift 1753 med enkja etter Sven Knutson, Astrid Helgesdr. Han tok over bykselen på dei 12 sp. etter Sven Knutson som Tolleiv Herlufson åtte. — I 1762 kjøpte Kristen Monsson Skrettingland 12 sp. i Opstad (som Ola Reiarson brukte) av Einar Tolleivson Sørbo. — Ola Reiarson hadde 2 søner:
1. Sven Olson Opstad, f. 1755 (41.).
 2. Reiar Olson Grøtheim, f. 1756 (sjå Grøtheim 13.).
37. **Omund Svenson Tjensvoll** var husmann i Åno i 1758 (der var to husmenn i Åno då). Han var fødd kring 1728, død før 1787, son til Sven Halvardson Tjensvoll i Time frå Risa og kona Malena Omundsdotter Tjensvoll, gift med Berta Rasmusdr., fødd kring 1728, truleg dotter til Rasmus Halvardson (Risa 34.). Omund kom seinare til Rongen under Djøseland i Varhaug (sjå meir om han der 17.).
38. **Peder Andersson Åno** son til Anders Anfinnson Kydland i Varhaug og Barbro Pedersdr. (Kydland 14. 1.), fødd kring 1720, skifte 18-10 1770, gift med enkja etter Peder Monsson Tvihaug, Ingeborg Olsdr. Han var husmann. Hadde ikkje barn. Han fekk 7 rdl. av Sven Tolleivson Skretting i 1769 for å fostra Sven si uekte dotter med Ragnhild Pedersdr.: Guri Svensdr. (sjå Tvihaug 19.).
39. **Peder Tollakson Åno** hadde butt på Næsheim. Det er uvisst kvar han var frå. Han var komen til Åno i 1783, truleg etter Peder Andersson. Han døde i 1784, og der var skifte etter han 18-10 det året, gift 1) med Astrid Rasmusdr. frå Bollestad i Gjesdal, gift 2) med Malena Omundsdtr. Skjærpe (Skjærpe 15. 4.). 3 barn i Iste og 2 i 2dre gifte:
1. Anna Kirstina, f. 1760.
 2. Peder Pederson Madland, f. 1761, gift m. Marta Johannesdr. Holmen under Madland i Varhaug (sjå der 17.).
 3. Lars, f. 1764, død før 1783.
 4. Karen, f. 1770.
 5. Tollak Pederson Grønholen, f. 1772, gift 1804 m. Guri Eriksdr. Kalsvaren, gift 2) 1821 med Kirsten Tjærandsdr. Haugstad (sjå Efjestad i Varh. 45.).
40. **Ola Ellingson Gudmestad** (sjå Gudmestad 14. 4.), fødd kring 1728, skifte 20-6 1786, gift med Elen Svensdr. Opstad (26. 2.), fødd kring 1731, død 1-4 1814. Elen vart gift 2) 12-5 1793 med enkjem. Elling Mikkelsen frå Stavanger. Ola Ellingson byksla 12 sp. av Kristen Monsson Skrettingland i 1761 etter Sven Helgeson. Det er likt til at Kristen Mons-

son hadde kjøpt desse 12 sp. av Johannes Sørbo. Dei hadde 3 barn:

1. Sven Olson, f. 1762, d. i Stavanger 14-2 1814, gift 21-8 1810 med Kirsten Olsdotter Tunheim. Arbeidsmann i Stavanger.
2. Elling Olson Austvoll, f. 1765, gift med Anna Danielsdtr. Tu. Budde på Austvoll i Høyland. Faren gjorde Elling sin odelsrett til Gudmestad gjeldande i 1778, og lyste pengemangel.
3. Malena Olsdtr., f. 1771.

41. Sven Olson Opstad, son til 36., var fødd i 1755, død 29-1 1845, gift 1) med Karen Asbjørnsdotter Bø, fødd 1752, død 17-8 1792 (Bø 60 1.), gift 2) 9-11 1794 med Malena Larsdtr. Kverme, fødd 1768, død 11-8 1863, sonedotter til 22. — Sven Olson byksla 8 spand av Kristen Skrettingland i 1783, etter faren, som brukte dei 4 spand sjølv til 1792, då Sven kjøpte 12 spand kyrkjegods av Knut Svenson Skrettingland, Elling Nilsson Skrettingland og Lars Larsson Husveg, for 80 riksdalar. Sven Olson hadde 4 barn i første gifte og 10 i andre. Av desse døde 4 av kopper i 1799:

1. Astrid Svendsdtr., f. 1789, gift med Peder Pederson (60.).
2. Helge Svenson, f. 1787, d. 1799.
3. Anna Svendsdtr., f. 1787, d. 1799. (Dei var tvillinger.)
4. Karen Svendsdtr., f. 1792, død same året, 3 veker gamal.
5. Karen Svendsdtr., f. 1795, d. 1799.
6. Ola Svenson, f. 1797, d. 1799.
7. Ingeborg Svendsdtr., f. 1799, gift med Peder Svalesson (59.).
8. Karen Svendsdtr., f. 1801, gift 1834 med enkjemann Mons Monsson Bjorland (sjå Bø 64.).
9. Anna Malena Svendsdtr., f. 1802, gift med Jeremias Pederson Ægro i Oгна.
10. Laurensia Svendsdtr., f. 1805, d. 2-1 1817.
11. Olina Svendsdtr., f. 1808, gift 1833 med Oliver Hansson Hognestad (sjå Næsheim 95.).
12. Ester Malena Svendsdtr., f. 1811, d. 2 dagar gamal.
13. Ester Malena Svendsdtr., f. 22-11 1812, gift 18-6 1840 med Peder Bemtson Rosland i Klepp. Deira son var Peder Pederson Rosland (Opstad 84.).
14. Serina Svendsdtr., f. 17-4 1816, gift 26-8 1847 med Torkel Torkelson Undheim (sjå Høyland 104.).

42. Rasmus Tjølsen Kydland var son til Tjølv Jonson Kydland i Varhaug og kona

Kirsten Ellingsdtr. (sjå Kydland 19. 3.). Han var fødd kring 1768, død 2-7 1799, gift 28-3 1795 med enkja etter Jon Olson, Marta Ellingsdtr. Rasmus byksla 12 sp. av Ellen Risa sine arvingar i 1795 etter Jon Olson. 3 barn:

1. Jon Rasmusson Opstad, f. 14-2 1796 (52.).
2. Tjølv, f. 1-10 1797, d. 20-5 1799 (kopper).
3. Rasmus Rasmusson Opstad, fødd 11-7 1799 (62.).

43. Isak Olson Kvia (sjå Kvia 23. 2.), f. 1769, d. 3-7 1835, gift 2-2 1800 med enkja etter Rasmus Tjølvson, Marta Ellingsdtr. Ho døde 18-5 1855, 93 år gamal. Isak Olson byksla dei 12 spand av arvingane etter Sven Svenson Risa i 1800. Ei dotter: Gunvor Isaksdtr., f. 1-1 1802, gift med Peder Josefson (Risa 66.).

44. Eivind Svenson Ånestad var son til Sven Rasmusson Ånestad i Varhaug og kona Berta Eivindsdtr. frå Re i Time (Ånestad 40. 3.). Han var fødd kring 1767, død 10-8 1848, gift med Berta Rasmusdtr. Opstad (33. 1.), fødd 1748, død 1-12 1835. Eivind byksla 12 sp. av Anders Andersson Sørbo i Klepp i 1790 etter Rasmus Larsson. I 1805 kjøpte han dei 12 sp. av Adne Nilsson Øglænd for 250 rdl. Dei hadde berre ei dotter:

Inger Eivindsdtr., f. 26-12 1790, gift med Mikkel Larsson (55.).

45. Asbjørn Ellingson Svela var son til Elling Andersson Litle Svela i Bjerkreim og kona Torgjerd Ingebretsdtr. Han var f. 1737, d. 23-11 1804, gift 1) 29-5 1763 med Karen Svendsdtr. Lakssvela, gift 2) 24-6 1783 med Ingeborg Toresdtr. Eike-land i Bjerkreim, f. 1751. Millom barna hans var:

46. **Elling Asbjørnson Opstad**, fødd på Litle Svela 21-8 1771, død 3-9 1860, gift 1-6 1806 med Anna Hansdtr. Bø, fødd kring 1780, død 28-6 1836 (Bø 70. 2.). Det var Elling og ikkje far hans som byksla dei 12 sp. i Opstad av Lars Larsson Husveg i 1793 etter Elling Olson (40. 2.). I 1824 kjøpte han dei 12 sp. av Lars Husveg for 300 spd. Dei hadde 7 barn:
 1. Karen, f. 18-9 1806, gift 23-3 1832 med Erik Einarson Ånestad i Varhaug (sjå der 72.).
 2. Gitlaug, fødd 9-9 1808, død 26-7 1837 (nervefeber).
 3. Asselina, f. 9-9 1808, gift 20-3 1834 med Tønnes Olson Kydland i Varhaug (sjå der 27.).

4. Hans Ellingson Opstad, f. 1-6 1811 (65.).

5. Asbjørn, f. 10-2 1815, d. 14-2 s. å.

6. Asbjørn, f. 15-10 1816, d. 17-6 1837 (nervefeber) (64.).

7. Anna, f. 27-11 1822, gift 7-12 1843 med Tønnes Sivertson Gudmestad (Gudmestad 33.).

47. Svale Svenson Åno var son til Sven Tolleivson Skretting og Berta Andersdr. (sjå Skretting i Varhaug 36. 5.). Han var systerson til Peder Andersson (38.), f. 1758, d. 13-10 1804, gift med enkja etter morbroren, Ingeborg Olsdr., gift 2) med Maren Gunnarsdr. Aniksdal, f. 1725, d. 22-11 1809, dotter til Gunnar Hansson Aniksdal i Varhaug og kona Berit Asbjørnsdr. frå Bø (sjå Aniksdal 31. 1.). Han hadde ikkje barn.

48. Jon Gunnarson Aniksdal var bror til andre kona hans Svale Svenson. Han budde i Åno i 1792, men kom seinare til Jero under Bø (sjå der 65.).

49. Lars Henrikson Årdal var son til Henrik Larsson Håland i Varhaug og kona Marta Svensdr. (Håland 24. 3.). Han var fødd kring 1760, død 6-2 1840, gift med Berta Olsdr. Ueland, f. 1755, d. 27-1 1835, dotter til Ola Svaleson Ueland i Varhaug og Margreta Aslaksdr. (sjå Ueland 21. 7.). Lars byksla Årdal i 1795 av Anders Andersson Øvregaard og Lars Husveg, Sven Svenson Risa og Sven Olsson Opstad. Det er då første gongen at Årdal er nemnd, så det er truleg at Lars var den første som budde der. Dei fekk 3 barn:

1. Margreta, f. 1786, d. 17-5 1791.

2. Henrik Larsson Årdal, f. 10-10 1790 (51.).

3. Ola, f. 3-5 1795, d. før 1801.

Berta Olsdr. hadde ein son u. e.: Sven Svenson, fødd kring 1783, gift 12-11 1808 med Ingeborg Eriksdr. Primstad. Budde på Elverullen under Ueland i Varhaug.

50. Salve Larsson Kanaheia var son til Lars Omundson Kverme og sone-son til Omund Tjæranson Opstad (22.). Han var fødd i Ognå 1765, d. 5-5 1852, gift 15-5 1791 med Gitlaug Hansdr. Risa, fødd kring 1761, d. 16-3 1832 (Risa 50. 1.). Salve var husmann på Kanaheia, og er den første som er nemnd der. Dei hadde 4 barn:

1. Hans Salveson Kanaheia, f. 2-10 1791 (56.).

2. Lars Salveson Tjelmsenga, f. 8-11 1795,

gift 1) 1820 med Ingeborg Olsdotter Anestad, gift 2) 1837 med Malena Omundsdr. Bø. Budde på (Anestad 68.), seinare på Tjelmsenga under Ueland (Ueland 56.).

3. Marta, f. 15-8 1802, gift med Hans Olson (Opstad 66.).

4. Ingeborg, f. 15-8 1802, gift med Abraham Olson Rongen (sjå Kvia 35.).

51. Henrik Larsson Årdal, son til 49., f. 10-10 1790, d. 27-4 1885, gift 15-1 1815 med Ingeborg Jakobsdotter Tvihaug, f. 1777, dotter til Jakob Johannesson Tvihaug i Varhaug og kona Torborg Eriksdr. (sjå Tvihaug 25. 1.). Henrik byksla Årdal etter faren. Han hadde 3 barn:

1. Lars Henrikson Årdal, fødd 31-8 1815 (68.).

2. Jakob Henrikson Årdal, fødd 6-1 1817 (69.).

3. Ola Henrikson, fødd 29-5 1819, gift i Klepp 1-7 1851 med Ane Berte Ellingsdr. Salte.

52. Jon Rasmusson Opstad, son til 42., f. 14-2 1796, d. 6-9 1868, gift 1) 11-3 1821 med Taletta Johannesdr. Risa, f. 20-11 1796, d. 17-2 1840 (Risa 55. 6.). — Jon kjøpte 7y2 sp. i Opstad av Marta, Else og Taletta Risa i 1823 for 96 spd. Dei andre 4y> sp. åtte enkja Ingeborg Torgersdr. Risa (mor deira). I 1824 selde han dei 7y2 spand til Sven Johannesson Risa og byksla det att av han (sjå Risa 55. og 65.). Jon gav oppsett til mora og stykfare i 1824. Den 25-5 1841 gifte han seg 2) med enkja eter Simon Svenson Herigstad, Anna Karlsdr. (Haugl., Varhaug 19. 4.), f. 1781, d. 12-2 1871. Han hadde 5 barn i første gifte:

1. Rasmus Jonson Opstad, f. 15-10 1823 (73.).

2. Johannes Våland, f. (1825?) (sjå Våland 28.).

3. Ingeborg Maria, f. 25-10 1830, d. 22-8 1831.

4. Marta, f. 30-7 1834, d. 10-4 1856, ugift.

5. Isak, f. 23-6 1837, d. 27-10 1840.

53. Peder Larsson Kvia, Åno (sjå Kvia 24. 2.). Han var fødd kring 1775, død på Nedre Time 21-6 1864. Gift 2. sund. i Advent 1802 med Guri Larsdotter Vigre, fødd 1778, død på Time 20-8 1853 (sjå Vigre 35. 1.). Peder Larsson kom til Åno på Opstad i 1806, — truleg etter Svale Svenson. Der døde ein Ola i Åno i 1804, 62 år gamal og ugift. Eg veit ikkje kven han kunne vore. Kring 1820 flutte han heim til Kvia (sjå der 32.). Dei fekk 11

barn, 8 fødte på Opstad, 2 på Kvia og 1 på Time:

1. Asselina Pedersdtr., f. 1803, gift 28-3 1830 med Ola Torgerson Garpestad i Time.
2. Ingeborg, f. 6-12 1804, gift med Ola Pederson Skjærpe (Skjærpe 24.).
3. Lars Pederson, f. 30-8 1806, gift 1) 1835 med Gurine Nilsdtr. Tjensvoll, gift 2) 1846 med Berta Serina Pedersdtr. Herikstad. Budde på Nere Time. Deira son var Peter Laurits Time.
4. Lars Pederson d. y., f. 3-10 1808, gift 1) 18-11 1841 med Berta Karina Abrahamsdtr. Time, gift 2) med ? ? ?
5. Mikkell Pederson Time, f. 18-1 1811, gift 6-4 1843 med Maria Pedersdtr Time.
6. Peder Pederson, f. 28-3 1813, d. 9-4 same året.
7. Berta Pedersdtr., f. 9-6 1814, gift 22-5 1842 m. Rasmus Reiarson Herikstad, Frøyland.
8. Helena Pedersdtr., f. 11-12 1818, gift 9-7 1846 med Josef Josefson Time. Deira son var Alakias Tvihaug.
9. Peder Pederson Anda, f. (1820?), gift 1) 2-11 1848 med Anna Elisabet Torgersdtr. Laland, gift 2) 3-3 1864 med Karen Kirstine Endresdtr. Riskild, gift 3) 3-4 1868 med Malena Pedersdtr. Herikstad i Time. — Budde på Anda i Klepp.
10. Guri Pedersdtr., f. 2-7 1824, gift 11-11 1847 m. Peder Mauritsson Kartevoll.
11. Petter Pederson, f. 21-10 1827, gift 19-4 1856 med Lena Larsdtr. Kverneland i Stavanger.

54. Rasmus Larsson Åno, bror til Peder Larsson, f. 9-8 1795, d. 3-8 1875, gift 6-12 1818 med Elen Hansdtr. Risa, f. 31-7 1796, d. 27-4 1879 (Risa 59. 1.). Rasmus byksla Åno etter broren Peder i 1828. Dei fekk 2 barn:

1. Hans Rasmusson Åno, f. 7-4 1819 på Kvia (72.).
2. Helena, f. i Åno 10-9 1828, gift med Lars Mikkelson (74.).

55. Mikkell Larsson Kvia, bror til 53. og 54., f. 4-11 1792, d. 5-3 1876, gift 30-11 1817 med Inger Eivindsdtr. Opstad (44. 1.), f. 26-12 1790, d. 24-11 1869. Mikkell kjøpte 12 sp. av Eivind Svenson i 1830 for 100 spd. + følge. 7 barn:

1. Berta, f. 30-10 1818, gift med Hans Ellingson Bø (Bø 95.).
2. Eivind, f. 9-1 1820, d. 14-12 1842, ugift.
3. Lars Mikkelson Opstad, f. 18-4 1822 (74.).

4. Helena, f. 1825, gift med Hans Ellingson Opstad (65.).

5. Berta Serina, f. 6-12 1826, gift 1) 3-11 1853 med Andreas Olson Varhaug, gift 2) 11-4 1860 med Abraham Torstenson Auestad på Varhaug (sjå Sør-Varhaug 89. og 101.).

6. Rasmus, f. 10-5 1829, gift 21-10 1858 med Kirsten Jonsdtr. Opstad (58. 7.). Budde på Skretting i Varhaug (sjå der 96.).

7. Inger, f. 23-10 1832, gift 4-3 1858 med Hans Jonson Opstad (58. 4.). Budde på Håland i Varhaug (sjå der 68.).

56. Hans Salveson Kanaheia, son til 50, f. 2-10 1791, d. 28-3 1889, gift 11-3 1821 med Joron Svensdtr. Anestad, f. 1784, d. 27-5 1878, dotter til Sven Erikson Anestad i Varhaug og kona Marta Olsdtr. (Anestad 52. 5.). Dei hadde 3 barn:

1. Salve Kanaheia, f. 22-8 1821 (75.).
2. Judithe, f. 14-11 1822, gift med Abraham Ingebretson (Efjestad 55.).
3. Marta, f. 1825, d. 5-3 1883, ugift.

57. Ola Pederson Sveine var son til Peder Nilsson Oma i Time og kona Elisabet Olsdtr. frå Norheim. Han var f. 1772, d. 29-6 1851, gift 7-6 1812 med Marta Malena Gutormsdtr, f. 1784, d. på Hadland i Time 17-2 1880, dotter til Gutorm Tollakson Litle Undheim og kona Kari Andersdtr. Ola kom til Sveine kring 1815 og er den første som er nemnd der. Dei hadde 6 barn:

1. Elisabet, f. på Helland i Time 28-3 1813, gift 30-6 1839 med Endre Olson Sæland i Time.
2. Peder Olson Sveine, f. 12-2 1816 (67.).
3. Gabriel, f. 27-1 1819, d. 1825.
4. Karen, f. 8-9 1821, gift 1842 med sjømann i Stavanger Ola Olson Rødder.
5. Marta Maria, f. 12-8 1824, d. 1864, ugift.
6. Gabriel, f. 1826, gift 13-4 1848 med Klaudia Worsø. Han var skomakar. Budde ei tid på Skjæveland i Høyland.
7. Ola, f. 14-1 1828, d. 24-5 1917, gift i Stavanger 1857 med Berta Maria Olsdtr. Haua, 25 år. — Bygningsmann i Stavanger.

58. Jon Gunnarson Vigrestad var son til Gunnar Jonson Vigrestad i Varhaug og kona Kirsten Pedersdtr. (sjå Vigrestad 29. 4.). Han var f. 2-8 1801, d. 7-3 1858, gift 2-12 1821 med Anna Helena Larsdtr. Kvia, f. 16-2 1800, d. 21-1 1872 (Kvia 24. 9.). Jon Gunnarson kjøpte 12 spand av Elling Asbjørnson i 1828 for 200 spd.

Anten må dette vera gale, eller så må Elling ha kjøpt att 8 sp. av Jon, for Jon sitt bruk var 4 sp. og Elling sitt 8 sp. i 1838 og seinare. Med Jon Gunnarson vart der eit nytt bruk på Opstad (Harvaland). Dei fekk 11 barn:

1. Gunnar Jonson Opstad, f. 30-9 1822 (76.).
2. Lars, f. 2-6 1825, d. på Lode 6-4 1891, ugift.
3. Jon Jonson Opstad, fødd 17-11 1826 (78.).
4. Hans Jonson Håland, f. 29-4 1829, gift 4-3 1858 med Inger Mikkelsdr. Opstad (55. 7.). Budde på Håland i Varhaug (68.).
5. Kristian, f. 20-4 1831, d. 11-11 1834.
6. Helena, f. 3-2 1833, gift 4-4 1853 med Ola Olson Anestad (sjå Anestad i Varhaug 84.).
7. Kirsten, f. 6-9 1835, gift med Rasmus Mikkelson (55. 6.).
8. Elling, f. 28-12 1837, d. 7-6 1839.
9. Elen Kirstine, f. 16-12 1838. d. 7-6 1839.
10. Helmik, f. 20-10 1840.
11. Berta Serina, f. 14-1 1844, gift 6-4 1870 m. Ola Arntson Grøtheim (Grøtheim 20.).

59. **Peder Svaleson Pollestad** var son til Svale Pederson Pollestad i Klepp og kona Sara Gunnarsdr. frå Re. Han var f. 16-12 1804, d. 22-10 1887, gift 11-12 1827 med Ingeborg Svensdr., f. 31-3 1799 (Opstad 41. 7.). Peder Svaleson løyste ut kona sine sysken for 8 sp. i Opstad i 1828 for 200 spd. Dei fekk 5 barn:

1. Malena, f. 25-2 1829, gift med Jon Jonson Opstad (78.).
2. Sara, f. 19-10 1830, gift 25-5 1869 med Ola Olson Rosland.
3. Sven, fødd 23-9 1832, død 13-9 1858, ugift.
4. Serina, f. 11-1 1835, gift med Ola Olson Torland (Torland 64.).
5. Sivert, f. 11-9 1838, død ugift.

60. **Peder Pederson Ægro** var son til Peder Pederson Ægro i Ognå og kona Malena Eriksdr. frå Skretting. Han var f. 1793, d. 25-7 1867, gift 17-12 1815 med Astrid Svensdr. Opstad (41. 1.), f. 1789, d. 5-12 1878. Astrid hadde arva 4 sp. i Opstad etter mora, som Peder Pederson tok over i 1828 for 100 spd. Med han vart der endå eit nytt bruk på Opstad, Ægro. Peder hadde butt på Ægro i Ognå ei tid før han kom til Opstad, og 4 av dei 7 barna var fødte der:

1. Anna, f. 7-6 1815, d. 2-4 1840, gift

med Jens Andreas Jenson Brekko i Varhaug (sjå der 90.).

2. Karen, f. 11-10 1818, gift med Lars Ellingson Herigstad i Varhaug (sjå der 39. 10.). Budde på Tjensvoll i Frue.
3. Marta Malena, f. 8-2 1821, gift 2-11 1847 med Lars Jonson Tvetera i Jelsa, Budde på Trimstad i Varhaug (Primstad 14.).
4. Sven Pederson Opstad, fødd 3-2 1824 (70.).
5. Peder Pederson, f. 8-5 1826, død på Tjensvoll i Frue 1900, gift med Marta Maria Larsdr. Lode (Lode 54. 1.).
6. Asselina, f. 30-4 1829, gift 11-3 1856 med Jonas Håvarson Oltesvig. Budde på Sandvik i Frue.
7. Olina, f. 19-3 1830, gift 26-6 1855 med Martin Håvardson Oltesvig, Sandvik i Frue.

61. **Tore Osmundson Herigstad** var son til Osmund Olson Herigstad i Time og kona Berta Larsdr. frå Lende. Han var f. 1797, gift 27-3 1828 med Anna Malena Torkelsdr. Tunheim, f. 1806. Tore kjøpte 4 sp. av Peder Svaleson (halve garden) i 1830 for 180 spd. + folge til Sven Olson og kona. I 1834 selde han til Rasmus Rasmusson og flutte til Stokkeland i Høyland.

62. **Rasmus Rasmusson Opstad**, son til 42, f. 11-7 1799, d. 10-6 1840, gift 7-11 1833 med Anna Johanna Omundsdr. Bø, f. 1-4 1809 (Bø 62. 11.). Rasmus kjøpte dei 4 sp. av Tore Osmundson i 1834 for 376 spd. + folge til Sven Olson og kona. Dei fekk 2 barn:

1. Marta, f. 23-3 1834, gift 7-12 1865 med enkjemann Ola Hansson (77.).
2. Omund Rasmusson Håland, fødd 14-4 1848 (St. Håland 29.).

63. Sven Svenson, son til Kirsten Larsdr. Håland og Sven Johannesson Risa (St. Håland 15. 1. og Risa 65.). Han var f. på St. Håland 17-7 1803, gift 13-5 1841 m. enkja etter Rasmus Rasmusson, Anna Johanna Omundsdr. som døde 4-12 1870. Han kjøpte dei 4 sp. av kreditorane, ialt, for 370 spd. i 1841. Dei fekk 6 barn:

1. Anna Johanna, f. 30-1 1843, gift med Erik Bendikson (79.).
2. Rasmus, f. 4-12 1841, d. 20-12 s. å.
3. Elisabet Kirstine, f. 4-7 1847, gift med Erik Bendikson (79.).
4. Rasmus, f. 1-11 1850, d. 13-12 1852.
5. Sven, f. 24-12 1853, d. 7-4 1854.
6. Sven, f. 2-4 1855. Han var bokbindar i Oslo.

64. Asbjørn Ellingson Opstad, son til 46., f. 15-10 1816, d. av nervefeber 17-6 1837. Han fekk skjøte av faren på 1 sp. i 1837. Då han døde ugift tok broren over parten hans i 1837.

65. Hans Ellingson Opstad, bror til Asbjørn, f. 1-6 1811, d. 24-1 1894, gift 20-11 1850 med Helefa Mikkelsdr. Opstad (55. 4.), f. 1825, d. 6-1 1901. Han fekk skjøte på 7 sp. av faren i 1836, og i 1837 tok han over 1 sp. etter broren Asbjørn. Dei hadde 6 barn:

1. Elling Hansson Opstad, f. 9-11 1851 (88.).
2. Anna, f. 30-7 1854, d. 21-3 1883, ugift.
3. Mikkel, f. 17-10 1857, d. 28-10 1890, ugift. Bygningsmann.
4. Inger, f. 28-6 1860, gift 15-11 1888 med Ola Rasmusson Bjorheim. Bygningsm. i Stavanger (Bjorheim 24. 2.).
5. Hanna, f. 1-8 1863, d. 1-8 1868.
6. Hans Hansson Opstad, f. 14-9 1866 (93.).

66. Hans Olson Jønneberg var frå Bø i Telemark, fødd kring 1800, gift 5-4 1835 med Marta Salvesdr. Kanaheia (50. 3.), f. 15-8 1802. Hans var målar og budde på eit plass som var kalla "Målarplassen", og som er nedlagt for lenge sidan. Eg har aldri funne nokon nemnd på dette plassen før Hans, men etter som det segjest, skal det ha vore ein gard her frå eldgamalt. — Denne garden heitte Meland, også kalla "Skrettingsmellen". — Hans og Marta hadde 6 barn:

1. Grete Bertine, f. 24-1 1836.
2. Ola Hansson, f. 16-9 1838. Reist til Amerika.
3. Østine, f. 21-12 1840, gift i Stavanger 10-12 1878 med sjøm. Jon Jonson Ørehagen frå Jelsa, f. 28-1 1832.
4. Sille Maria, f. 27-3 1843, gift i Stavanger 11-9 1867 med bygningsmann Tore Rasmusson Hinna.
5. Hanna, f. 20-9 1845, flutte til Sande i Håland i 1866.
6. Lars, f. 26-9 1848, skomakar på Sandnes.

67. Peder Olson Sveine (sjå St. Håland 24.) var son til 57., f. 12-2 1816, d. 25-12 1915, gift 3-6 1844 med Dorthe Svensdr. Risa, f. 15-6 1813, d. 12-5 1892 (Risa 58. 5.). Peder kjøpte $1\frac{1}{6}$ sp. (Sveine) av Sven Svenson i 1853, som han hadde byksla frå 1844 med følge til faren og mora. I 1874 selde han til Omund Toreson Gudmestad og flutte til St. Håland. Dei fekk 8 barn:

1. Marta Maria, f. 2-1 1845, gift med Omund Rasmusson Opstad (62. 2.). Budde på St. Håland (29.).
2. Sven, f. 23-9 1846, d. 21-6 1880, ugift. Skomakar.
3. Jorina, f. 1-6 1848, gift med enkjem. Enok Nærland (Nærland 37.).
4. Dorthe, f. 22-10 1852, gift med Ola Eliasson (Njærheim 128.).
5. Ola, f. 4-8 1850, d. 8-4 1853.
6. Ola, f. 21-10 1853, gift 7-5 1878 med Ingeborg Larsen frå Sandnes. — Reist til Amerika. (Sjå Folk på Sandnes 1078.)
7. Peder, f. 24-6 1855. Reist til Amerika.
8. Marta Serina, f. 14-1 1857, gift 11-6 1881 med Jon Mortenson Eikeland. — Reist til Amerika.

68. Lars Henrikson Årdal, son til 51., f. 31-8 1815, d. 3-1 1899, gift 26-6 1845 med Ingeborg Kirstina Enoksdotter (Reiestad 30. 4.), f. 12-4 1827. Lars byksla Årdal av oppsitjarane på Opstad i 1846 mot årleg avgift av $\frac{1}{2}$ spd. + følge til foreldra, halve plassen. I 1851 selde han huset sitt i Årdal til Eivind Taraldson Lindal for 31 spd. Dessutan selde han 2 kyr, 3 sauer og ein omn, ei kjerra og anna lausøyra til Elias Enokson Reiestad for 37 spd. 2 ort og 12 skill. Truleg har han gjeve desse ting i pant for lån som han har fenge hjå desse. Dei fekk 8 barn:

1. Henrik Ueland, f. 26-6 1847, gift 7-11 1872 med Olina Pedersdr. Ueland i Varhaug (sjå der 72.).
2. Enok Helland, f. 3-3 1850, gift 19-4 1876 med Hanna Hansdr. Nedre Helland i Time (Brylte).
3. Lars, f. 22-4 1853, gift med Serina . . . Han var skipsbyggjer i Arendal.
4. Alakias Årdal, f. 17-12 1856 (86.).
5. Ingeborg Kirstine, f. 11-9 1863, d. 21-3 1872.
6. Elen, f. 26-2 1868, d. 23-3 1869.
7. Elen Kirstina, f. 8-8 1872, d. 24-4 1874.
8. Jon, f. 18-7 1860, d. i Amerika.

69. Jakob Henrikson Årdal, bror til Lars, f. 6-1 1817, d. 28-12 1894, gift 10-6 1847 med Gitlaug Olsdr. Ueland, f. 13-3 1817, d. 6-2 1896, dotter til Ola Pederson Ueland i Varhaug og kona Anna Roaldsdr. (sjå Ueland 43. 5.). Jakob byksla den andre halvparten på Årdal av dei Opstad mot $3\frac{1}{2}$ dalar årleg + $\frac{1}{2}$ følge til foreldra. Dei fekk 5 barn:

1. Henrik Håland, f. 5-3 1849 (sjå St. Håland 32.).
2. Ola, f. 16-11 1851, d. 24-11 s. å.
3. Ola Indrebø, f. 7-9 1853 (sjå Bø 133.).

4. Jonas Nygård, f. 11-5 1856, gift 27-6 1882 med Anne Larsdr. Primstad. — Budde på Nygård av Tvihaug i Varhaug (sjå der 39.).
5. Andreas Årdal, f. 10-10 1859 (87.).
70. Sven Pederson Opstad (Astrid-Sven), son til 60., f. på Ægro i Onga 3-2 1824, d. 6-8 1900, gift 1) i Time 16-6 1847 med Ragnhild Olsdr. Mauland, f. 26-10 1826, d. 15-11 1894, dotter til Ola Ingebretson Mauland i Time og kona Maren Svalesdr. frå Pollestad i Klepp, gift 2) 7-7 1895 med Anna Kirstina Svensdr. frå Rosland i Klepp, f. 31-1 1846, — dotter til Sven Svenson under Rosland i Klepp og Gjertrud Torgrimsdr. Sven kjøpte 4 sp. av faren (Ægro) i 1846 for 100 spd. + følge til foreldra. — I 1875 skipa han Opstad Teglverk saman med Gabriel Monsen i Stavanger, Rasmus Jonson Opstad, Gunnar Jonson Opstad, I. I. Gausland, Rasmus R. Bø, Alakias og Josef Tvihaug og Sven O. Håland. Det vart kjøpt grunn på Tvihaug for 150 spd. og torvmyr på Skretting, Ueland og Lindal for 375 dalar, pluss "bekostning og bryderi" 200 dalar, ialt 725 dalar. Sven og Rasmus Opstad vart valde til styre med S. O. Håland til rekneskapsførar. I 1857 kjøpte Sven eit utmarkstykke av Sven Svenson Opstad for 14 dalar. Han hadde 8 barn i første gifte:
1. Anna, f. 2-2 1849, gift 3-4 1879 m. Rasmus Jonson Håland (S. Håland 27.)
 2. Maria, f. 12-11 1851, d. 9-6 1877.
 3. Serina, f. 31-12 1854.
 4. Rakel Serina, f. 9-3 1858.
 5. Olina, f. 20-1 1861.
 6. Peder, f. 11-12 1863, d. 2-8 1880.
 7. Sven Svenson Opstad, f. 2-1 1867 (90.).
 8. Serine Olette, f. 29-8 1872, d. 20-6 1889.
71. Tønnes Ådneson Høyland byksla plasset (Skrettingsmellen — Målarplasset?) av Hans Ellingson i 1859. I 1860 selde han dei 2 kyrne sine til Tollef Jonson Håland. Det er alt som er sagt om han. Truleg var han den Tønnes Høyland i Time som var f. 15-3 1829.
72. Hans Rasmusson Åno, son til 54., f. 7-4 1819, d. 3-6 1897, gift 20-10 1853 med Ingeborg Maria Olsdr. Håland, f. 21-12 1834, (Låge-Håland 11. 4.). Hans kjøpte Åno av dei Opstad i 1852 for 400 spd. Dei fekk 7 barn:
1. Rasmus Hansson Åno, fødd 12-2 1854 (82.).
 2. Ola, f. 27-9 1856. Reist til Amerika i 1881.
 3. Hans, f. 27-9 1856, d. 26-9 1857.
 4. Elen, f. 24-9 1858, d. 2-1 1861.
 5. Berta, f. 8-9 1860, gift 26-10 1888 med enkjemann Lars Svenson Løge i Time (sjå Njærheim 132.).
 6. Hans, f. 23-6 1863, d. 13-12 1881 ved ei ulukka på Næsheim.
 7. Elen, f. 1-1 1866.
73. Rasmus Jonson Opstad, son til 52., f. 15-10 1823, d. 26-3 1886, gift 10-11 1853 med Guri Larsdotter Gudmestad, f. 7-4 1831, d. 15-5 1916 (Gudmestad 31. 1.). Rasmus kjøpte 12 sp. av Sven Johanneson Risa i 1842 for 475 dalar + følge til faren. Dei hadde 11 barn:
1. Anna Taletta, f. 11-1 1855, gift med enkjemann Sven Simonson Motland (sjå Motland 24.).
 2. Marta, f. 21-3 1857, d. 29-5 1877.
 3. Jon, f. 26-11 1858, d. 27-8 1862.
 4. Lars, f. 25-10 1860, d. 27-10 s. å.
 5. Ingeborg Maria, f. 25-10 1860, d. 28-10 1860.
 6. Jon Rasmusson Opstad, f. 11-2 1865 (91.).
 7. Lars Opstad, f. 26-11 1867 (Gudmestad 52.).
 8. Rasmus, f. 6-6 1874. Reist til Amerika.
 9. Ole Johannes, f. 17-1 1871. Reist til AniørrikBi
 10. Gurina, f. 25-11 1876, d. 26-11 s. å.
 11. Maria, f. 5-1 1862, d. 29-12 1879.
74. Lars Mikkelson, son til 55., f. 18-4 1822, d. 31-5 1900, gift 30-5 1854 med Helena Rasmusdr. Åno, f. 10-9 1828, d. 16-2 1902 (54. 2.). Lars kjøpte 12 sp. av faren i 1851 for 500 spd. Skjøte 2-7 1852. Dei fekk 7 barn:
1. Inger, f. 24-4 1855, d. 28-5 1857.
 2. Mikkell Opstad, f. 22-10 1856 (80.).
 3. Rasmus Opstad, f. 28-5 1859 (81.).
 4. Inger, f. 5-2 1862, d. 3-7 1864.
 5. Elen, f. 29-6 1865, gift 5-9 1888 med Elias Hognestad, Time.
 6. Justine, f. 7-10 1867, gift 29-3 1887 m. Kasper Nikolai Krag (Opstad 95.).
 7. Hanna, f. 10-2 1871, d. 27-4 1884.
75. Salve Hansson Kanaheia, son til 56., f. 22-8 1821, d. 25-10 1901, gift i Time 15-6 1859 med Elisabet Toresdr. Tjåland, f. i Bjerkreim 24-7 1825, dotter til Tore Jonson Tjåland frå Røysland i Bjerkreim og kona Marta Kirstine Jonsdr. Salve budde som husmann på Kanaheia. Dei fekk 2 døtre:
1. Jorina, f. 11-1 1861.
 2. Marta Kristina, f. 4-6 1865, gift 20-10 1897 med Jon Olson Fotland (94.).

76. Gunnar Jonson Opstad, son til 58., f. 30-9 1822, d. 10-1 1883, gift 1) 8-4 1863 med Marta Pedersdtr. Risa, f. 28-8 1829, d. 8-5 1864 (Risa 66. 3.), gift 2) 23-10 1867 med Margreta Ellingsdtr. Håland, f. 10-9 1834, d. 8-2 1901, dotter til Elling Tollakson Håland i Varhaug og kona Malena Mikkelssdotter (S-Håland 38. 8.). Gunnar kjøpte 4 sp. av faren i 1848 for 300 spd. + følge. I 1857 kjøpte han eit utmarkstykk av Sven Svenson for 70 spd. Han fekk 1 barn i første gifte. I andre gifte fekk han 6 barn som alle døde som små.

Helena Gunnarsdtr., f. 2-5 1864, gift med Peder Pederson Rosland. Budde på Opstad (84.).

77. Ola Hansson Norheim, son til Hans Josefson Primstad i Varhaug og kona Johanna Olsdtr. (sjå Primstad 10. 2.). Han var f. 12-4 1834, gift 1) 5-4 1861 med Ingeborg Omundsdtr. Jåster, f. 19-1 1833, d. 18-12 1864, dotter til Omund Pederson Jåster og kona Rakel Rasmusdtr. (sjå Lerbrek i Varhaug 25. 7.), gift 2) 7-12 1865 med Marta Rasmusdtr. Opstad, f. 23-3 1834 (62. 1.). Ola Hansson byksla Skrettingsmellen av Hans Ellingson Opstad i 1861 etter Tønnes Ådneson Høyland. Dei reiste seinare til Amerika, og dette plassen vart lagd øyde? 1 barn i første gifte og 4 i andre var fødde på Opstad:

1. Rakel Justine, f. 8-3 1862.
2. Ingeborg Maria, f. 13-2 1867.
3. Rasmus, f. 5-2 1870.
4. Hansine, f. 1-1 1873.
5. Johanna, f. 7-10 1876.

78. Jon Jonson Opstad, son til 58., f. 17-11 1826, d. 10-6 1902, gift 1-11 1859 med Malena Pedersdtr. Opstad (59. 1.), f. 25-2 1829, d. 17-1 1916. Jon kjøpte bnr. 7 av Peder Svalesen i 1872 for 450 spd. + følge. 5 barn:

1. Ingeborg, f. 14-9 1860, gift 10-4 1883 med Jon Larsson Primstad (Tvihaug 38.).
2. Jon, f. 1862, d. 29-2 1883.
3. Helena, f. 4-7 1864, d. 29-6 1893, ugift.
4. Peder Opstad (99.).
5. Helmik, f. 8-5 1869, død ugift.

79. Erik Bendikson Lode (Lode 50. 2.), f. 28-3 1841, d. 5-7 1910, gift 1) 13-6 1867 med Anna Johanna Svendsdotter Opstad (63. 1.), f. 30-1 1843, d. 22-3 1877, gift 2) 22-11 1877 med Elisabet Kirstine Svendsdtr., f. 4-7 1847, d. 7-4 1933 (63. 3.). Erik kjøpte bnr. 9 av Sven Svenson i 1877 for

1200 kroner + følge. Han fekk 4 barn i første og 3 i andre:

1. Sem Opstad, f. 9-5 1868 (92.).
2. Bendiks, f. 25-8 1870, d. 31-12 1870.
3. Bertel Opstad, f. 30-12 1871 (96.).
4. Enevald Opstad, f. 12-11 1874 (sjå Bø 149.).
5. August Johan Opstad, f. 7-11 1878 (sjå Bø 153.).
6. Elias Opstad, f. 17-9 1881 (96.).
7. Kaja, f. 3-10 1885, gift 1907 med Gabriel L. M. Ueland (Ueland, Varh. 88.).

80. Mikkel Larsson Opstad, son til 74., f. 22-10 1856, d. 2-6 1920, gift 1) 30-11 1876 med Berta Svendsdtr. Håland, f. 14-2 1854, d. 12-12 1902 (Låge Håland 12. 2.), gift 2) med Bolette Andersdtr. Håland, f. (1860?), d. 12-11 1923. Dotter til Anders Andersson Håland i Varhaug og kona Berta Nilsdtr. (sjå Håland, Varhaug 70. 2.). Mikkel kjøpte % av faren sitt bruk i 1888, bnr. 1. Han hadde 9 barn i første gifte:

1. Hanna, f. 25-1 1877, gift med Hans Hansson Opstad (93.).
2. Lars, f. 7-10 1878, d. 31-5 1900.
3. Sven, f. 21-11 1880, d. i New York 15-7 1903.
4. Ragnhild, f. 21-7 1885, d. 1-4 1890.
5. Gurine, f. 3-9 1887, d. 26-2 1895.
6. Ragnhild, f. 9-2 1890, d. 24-8 1917.
7. Elen, f. 3-5 1892, d. 1-1 1894.
8. Magnus Gerhard Opstad, f. 28-1 1895 (102.).
9. Ole Mikkelsen, f. 26-7 1896, d. i Montana 15-3 1946, gift med Marta (?).

81. Rasmus Larsson Opstad, bror til Mikkel, f. 28-5 1859, d. 8-12 1931, gift 19-3 1889 med Kirstine Olsdtr. Vigrestad, f. 22-6 1863, d. 6-8 1927, dotter til Ola Ingebretson Vigrestad i Varhaug og kona Berta Jeremiasdotter (Vigrestad 44. 1.). Rasmus kjøpte 1/2 av faren sitt bruk i 1888, bnr. 11 Årretuen. I 1895 selde han til Kasper Krag og flutte til Nærbo stasjon, der han var maskinist ved meieriet ei tid. Seinare slaktar. Dei hadde ikkje barn.

82. Rasmus Hansson Åno, son til 72., f. 12-2 1854, d. 6-12 1916, gift 25-11 1880 med Rakel Rasmusdtr. Årslund, f. 10-10 1859, dotter til Rasmus Olson i Varhaug og kona Berta Karina Olsdtr. frå Lindal (sjå Årslund 32. 5.). Rasmus kjøpte Åno av faren i 1881 for 2800 kroner + følge. Åno hadde då fenge eige gardsnr. 36, bnr. 1, så det var på ein måte skilt ut frå Opstad. Då staten kjøpte ein del av

Opstad til arbeidskoloni, gjekk heile Åno inn i det som då fekk gardsnr. 36. Rasmus selde til Johannes Johannesson i 1892 og flutte til Hobberstad i Varhaug (sjå der 51.).

83. Omund Toreson Gudmestad Sveine (sjå Gudmestad 38.) kjøpte Sveine av Peder Olson (67.) i 1874. Han fekk skjøte av dei Opstad: Jon Jonson, Lars Mikkelsen, Rasmus Jonson og Sven Pederson for 345 spd. Sveine vart då skildt ut frå Opstad, liksom Åno, og fekk gnr. 34 med bnr. 1, 2, 3, 4, 5, eit nr. for kvar av dei 5 bruk som det var fråskildt.

84. Peder Pederson Rosland var son til Peder Berntson Rosland i Klepp og kona Ester Malena Svensdtr. Opstad (41. 13.). Han var f. 7-1 1861, gift 18-12 1884 med Helena Gunnarsdtr. Opstad (76. 1.), f. 2-5 1864, d. 25-2 1916. Peder tok over Harvaland bnr. 6, av Gunnar Jonson i 1883 for 4000 kroner. I 1897 selde han til Hans Hansson og flutte til Sveine. Seinare selde han til brødrene Puntervoll og flutte til Stavanger. — Sidan kjøpte Nærbø Skogselskap Sveine. — Peder og Helena Rosland fekk 4 barn:

1. Maria, f. 17-9 1885, d. 14-5 1887.
2. Elen Malena, f. 15-11 1886.
3. Marta, f. 1-1 1888.
4. Gunnar, f. 2-3 1893.

85. Kristian Hansson Risa (Risa 70. 3.) kjøpte Sveine av Omund Toreson i 1887. I 1890 selde han til Jonas Jonasson og reiste til Amerika. Kona og barna budde då på Nærbø. Han kom heim att i 1896 og sette seg til på Urheia av Motland (sjå der 31.).

86. Alakias Larsson Årdal, son til 68., f. 17-12 1856, d. 16-7 1931, gift 1888 med Serina Olsdtr. Mellestrand, f. 2-6 1865, d. 28-6 1944, dotter til Ola Jensson Mellestrand i Time og kona Ingeborg Olsdtr. Alakias fekk skjøte av Lars Mikkelsen og Rasmus Jonson på bnr. 2 i 1884 (og 3 i 1893) for 1200 kroner. Dei fekk 10 barn:

1. Ingeborg Kirstine, f. 3-2 1889, gift i USA.
2. Ingeborg, f. 17-2 1891, gift med Johan Kalsheim.
3. Edvarda Omine, f. 6-11 1892.
4. Lars, f. 23-2 1895, d. 10-9 1896.
5. Lotte Leonora, f. 17-1 1897, gift med Ola Jakobson Holmen, Varhaug, fødd 17-6 1887. Bur på Undheim.
6. Olga, f. 31-1 1899, gift m. Sven Berge.

7. Selia, f. 20-10 1900, d. 1-2 1910.
8. Alakias, f. 30-10 1902, d. 3-12 1902.
9. Kias-Alfred Årdal, f. 27-11 1903, gift 1929 m. Berta Sikveland, f. i Gjesdal 29-4 1906. Brukar nå bnr. 2.
10. Alida-Sofia, f. 19-4 1906, gift med Voster.

87. Andreas Jakobson Årdal, son til 69., f. 10-10 1859, gift 9-4 1886 med Amalia Omundsdotter Åse, f. i Eigersund 1857. Andreas fekk skjøte på Årdal i (1893?) bnr. 12 og 13. Dei fekk 8 barn:

1. Jakob, f. 17-4 1887, d. 24-11 1938, ugift.
2. Gurina, f. 8-4 1889, gift med Tollef Tobiasson Ueland i Varhaug (Ånestad 111.).
3. Omund, f. 20-6 1891, d. 15-2 1908.
4. Andreas, f. 12-8 1893. Reist til Amerika.
5. Anna Kristina, f. 19-8 1895, d. 18-6 1933, ugift.
6. Anna, f. 12-3 1897, gift 1931 med Hans Emil Lerbek, Varhaug (sjå der 38. 4.).
7. Sina, f. 29-9 1900, gift 15-7 1933 med Karl Gustav Tomassen, Stavanger.
8. Andrea, f. 10-5 1902, gift med Jon Jørgenson (Lerbek i Varhaug 37. 3.).

88. Elling Hansson Opstad, son til 65., f. 9-11 1851, d. på Rongen 12-6 1920, ugift. Han tok over bnr. 5 i 1886 av faren. Sidan selde han til Siver Henrikson og flutte til Nærbø stasjon.

89. Jonas Jonasson Triluren Sveine var son til Jonas Gjermundson Triluren (Urhaugen) under Sør-Tjemsland i Varhaug og kona Tala Torgersdtr. frå Vetteland i Ognå (S-Tjemsland 44. 1.). Han var f. 4-12 1848, gift (10-7 1876?) med Rakel Johanna Gunnarsdtr. Bø, f. 1857, dotter til Gunnar Gunnarson Bø i Ognå og kona Maren Kirstina Abrahamsdtr. frå Topdal. Jonas hadde butt på Fossfjell i Ognå. I 1890 kjøpte han Sveine av Kristian Risa. I (1896?) selde han til Peder Pederson Rosland (84.) (og flutte til Undheim). Ei dotter var fødd på Sveine:
Anna, f. 20-2 1892, gift med Erik Olson Vigrestad (Vigrestad 44. 8.).

90. Sven Svenson Ægro, son til 70., f. 2-1 1867, d. 7-12 1937, gift 1) 29-5 1892 med Marta Kristina Halvardsdotter Løge, f. i Time 4-6 1869, d. 4-4 1900, dotter til Halvard Børildson Løge og kona Maren Kristine Gunleivsdtr., gift 2) 22-11 1902 med Ane Hansdtr. Jåster, f. 29-5 1882, d. 13-8 1965, dotter til Hans Retsius Olson Jåster og kona Ane Assersdotter (sjå Lerbek i Varhaug 45. 4.). Sven tok over bnr. 8

Ægro, i 1897. Han selde til Staten og flutte til Nygård under Tvihaug i Varhaug, der Opstad Teglverk hadde eige-
domen sin. Seinare reiste han odelssøks-
mål mot staten på sonen, Sigurd Opstad,
sine vegne. Staten tapte, og Sven fekk
att garden. Då gjorde staten det einaste
som kunne gjerast, laga ein ny "ekspro-
ptiasjons"-lov som berga garden for sta-
ten. Sven Opstad hadde 5 barn i første
gifte og 11 i andre:

1. Ragnhild Maria, f. 25-2 1893, d. 16-5 1969. Budde i Stavanger.
2. Sigurd Opstad, f. 25-7 1894, gift med Ingeleiv Espeland. Busett i Oslo.
3. Holberg, f. 1-9 1895, d. 9-4 1896.
4. Margit Kristine, f. 20-3 1897, gift 7-10 1917 med Ingebret Andreasson Njærheim (sjå der 133. 1.).
5. Sina Maria, fødd 19-8 1899, død 16-4 1900.
6. Hans Opstad, f. 11-7 1903, gift med Tora Haukås. Busett i Oslo.
7. Sven Opstad, f. 2-1 1906, gift i Ame-
rika.
8. Arne Opstad, f. 8-2 1908, gift med Guri. Bur i Canada. Død.
9. Marta, f. 1-8 1910, gift med Johan Malmeim, Hana i Høyland.
10. Anna, fødd 14-1 1913, gift med Arne Ueland. Bur på Nærbø.
11. Holberg Opstad, f. 4-4 1915, d. 19-8 1919.
12. Maria, f. 18-10 1917, gift med Kåre Nærland, Finnøy.
13. Holberg Opstad, f. 4-4 1920, gift med Aslaug Sivertsen.
14. Margit, f. 12-7 1922, gift med Einar Erikson Skretting, Varhaug.
15. Asser Opstad, f. 26-9 1924.
16. Per Opstad, f. 21-12 1927. Han eig no Nygård bnr. 7 av Tvihaug.

91. Jon Rasmusson Opstad, son til 73., f. 11-2 1865, d. 6-8 1943, gift 14-4 1891 med Karen Malena (Kaja) Gausland, f. 3-2 1868, d. 1-7 1956 (Gausland 31. 2.). Jon tok over bnr. 4 av faren i 1890. Dei fekk 10 barn:

1. Gurina, f. 13-7 1892, gift 1947 med Omund Thu, Klepp.
2. Rasmus Jonson Opstad, f. 12-8 1894 (101.).
3. Kirstine Opstad, f. 16-9 1896. Rekne-
skapsfører ved Nærbø Meieri.
4. Klara Opstad, f. 15-10 1898. Bur på Opstad.
5. Olina, f. 22-5 1900, d. 28-5 s. å.
6. Ole Opstad, f. 6-7 1901, d. 26-1 1943, gift med Ingeborg Ege. Han fekk ein part av farsgarden.

7. Marta Maria, f. 9-10 1903, gift 1929 med Alf Sikveland. Bur på Voll i Var-
haug (Vigrestad).
8. Jon Opstad, fødd 1-3 1906, gift med Berta Hove. Bur i Vestfold.
9. Ragnhild, f. 25-6 1908, gift 9-6 1934 med Olav Bjorland. Bur på Reiestad i Varhaug (sjå Bjorland 26. 7.).
10. Thora Opstad, f. 16-8 1910. Sjuke-
syster.

92. Sem Erikson Opstad, son til 79., f. 9-5 1868, d. 6-4 1930, gift 9-4 1895 med Inge-
borg Malena Gabrielsdtr. Vatnemoholm,
f. i Ognå 1870, d. 24-12 1955, dotter til
Gabriel Jonasson Vatnemoholm i Ognå
og kona Gunhild Maria Tobiasdtr. Sem
tok over bnr. 9 i 1896. — Han selde til
staten og kjøpte Årretuen bnr. 11 av Ole
Engelsvoll. 5 barn:

1. Elling, f. 15-8 1896, d. 27-12 1925, ugift.
2. Janna Kristina, f. 9-9 1899, d. 27-11 1960, ugift. Budde på Opstad.
3. Maria, f. 6-12 1901, gift 28-11 1925 med Askild Johan Olson Nybø, f. i Skånevik 6-11 1896. Bur på Motland.
4. Sina, f. 4-7 1904.
5. Gustav Opstad, f. 28-11 1906, gift 1930 med Anna Auestad, f. i Varhaug 25-7 1908 (Auestad 49. 10.). Brukar Årretuen sidan 1930.

93. Hans Hansson Opstad, son til 65., f. 14-9 1866, d. 1946. Han kjøpte Harvaland av Peder Rosland i 1897 (1893?). Bertel og Elias Opstad kjøpte bruket og Hans reiste til Amerika. I 1906 kom han heim og busette seg på Urheia ved Nærbø sta-
sjon (sjå Motland 33.).

94. Jon Olson Fotland var son til Ola Isakson Fotland i Time og kona Berta Toresdtr., f. Tjåland. Han var fødd på Are i Nærbø 8-9 1871, gift 29-10 1897 med Marta Kristine Salvesdotter Kanaheia av Opstad (75. 2.), fødd 4-6 1865. Dei var syskenbarn. Jon tok over Kanaheia etter Salve Hansson med skjøte frå Sven Svenson og Rasmus Jonson Opstad i 1899. Han selde til staten og flutte til Håklepp av Tunheim. 4 barn var fødde på Kanaheia:

1. Sem Kanaheien, f. 8-8 1898, d. 1948, gift 1930 med Ingeborg Gurine Djøse-
land, f. i Varhaug 12-8 1899 (Djøseland 57. 1.). Budde på Lende.
2. Berta Kanaheien, f. 26-7 1899.
3. Elisabet Kanaheien, f. 26-7 1899.
4. Olina Kanaheien, fødd 18-1 1905, gift 1933 med Karl Karlson Undheim, Åre-
stad.

95. **Kaspar Nikolai Krag**, son til skreddar Søren Leganger Krag og Serina Olsdtr., f. Aurennes i Time. Han var fødd i Time 12-7 1862. Gift 29-3 1887 med Justina Larsdotter Opstad (74. 6.), f. 7-10 1867. Kaspar Krag kjøpte bnr. 11 Årretuo av Rasmus Larsson i 1895. I 1906 selde han til Ola Engelsvoll og flutte til Bjorland (sjå der 30.). Han var skreddar. 6 barn:

1. Serina Krag, f. 4-7 1888, gift 26-10 1912 m. smed Hans Hansson Løyning. Bur på Sandnes.
2. Helena, f. 4-7 1888, d. 8-10 same året.
3. Lars, f. 26-10 1902, d. 20-12 same året.
4. Sigvald Krag, f. 13-12 1904 (Bjorland 38.).
5. Helga Krag, f. 30-7 1906, gift med Lars M. Bjorland (sjå Bjorland 34.).
6. Eli Krag, f. 4-2 1909, gift 1950 med Kristofer Fjelde, Strand.

96. **Bertel og Elias Opstad**, var sønene til 79. Kjøpte Harvaland av Hans Hansson. Sidan kjøpte staten denne parten. Så kjøpte dei ein part av Årretuo av broren Sem. Dei var ikkje gifte. Elias døde 5-5 1961 og Bertel 4-8 1962. Gustav Semson tok då over den parten, bnr. 11.

97. **Sivert Henrikson**, son til Henrik Erikson Vettaland i Ogna og kona Elisabet Svaesdtr. Mjøhus. Han var fødd i 1868, gift 1893 med Ingeborg Enoksdtr. Fuglestad i Ogna, fødd 1870. Han hadde vore i Amerika, då han kring 1905 kjøpte bnr. 5 på Opstad av Elling Hansson. Sidan tok staten over denne parten.

98. **Johannes Johannesson Eikeland Åno**, son til Johannes Eilevson Eikeland i Ogna og kona Bothild Enoksdotter. Han var fødd i 1842, gift 1867 med Inger Serina Fanuelsdtr. Vettaland, fødd 1843, dotter til Fanuel Tormodson Vettaland og kona Torgjerd Svaesdtr. Johannes var farbror til kona hans Siver Henrikson, Ingeborg Enoksdtr. Dei hadde butt på Haugseng i Ogna og på Auestad i Varhaug (sjå Auestad 46.). I 1893 kjøpte dei Åno av Rasmus Hansson. Sidan selde dei til Staten.

99. **Peder Jonson Opstad**, son til 78., var f. 12-8 1866, d. 6-9 1926. Han tok over bnr. 7 etter faren (mora?) i 1906. Selde sidan til staten. Han budde sidan på Nærbø stasjon og var ugift.

100. **Ola Olson Engelsvoll** (sjå Bø 156.) kjøpte Årretuen av Kaspar Krag i 1907. Selde til Sem Erikson og flutte til Bø.

101. Rasmus Jonson, son til 91., f. 12-8 1894, d. 13-2 1955, gift 2-2 1923 med Berta Vigre, f. 7-4 1896, d. 12-12 1940 (Vigre 57. 6.). Han tok over bnr. 4 i 1922. 5 barn:

1. Jon Opstad, f. 25-11 1923, brukar Opstad.
2. Lars Opstad, f. 13-11 1925, gift med Anna Skretting, f. 20-7 1935.
3. Kåre Opstad, f. 15-8 1928, gift 12-4 1958 med Elen Sør-Reime.
4. Karen, fødd 24-3 1930, gift med Sven Jonson Fosse i Time.
5. Oline, f. 1-2 1934.

102. Magnus Opstad, son til 80., f. 26-1 1895, gift med Berta Vigrestad, fødd i Stavanger 8-1 1906. Han tok over bnr. 1, 16 og 20. — I 1929 selde han til Sigfred Ueland og flutte til Nærbø, der han tok over slakteriet etter farbroren Rasmus L. Opstad.

103. Andreas Tollefson Ueland, Årdal, son til Tollef Ueland og kona Gurine, f. Årdal (sjå 87. 2.). Han tok over Årdal bnr. 12 og 13, etter morfaren. I 1954 selde han til Elling Håland, som selde att til Gabriel Lende i 1957.

104. Bernhard Seberlon Puntervoll, son til Jon Børildson i Eigersund, f. 15-8 1898. d. 10-6 1966. Gift 10-6 1933 med Ingebjørg (Lindal 28. 4.), f. 7-2 1901. Han og ein bror åtte Sveine, som dei selde til Nærbø Skogselskap. Han budde sidan på Nærbø stasjon, der han dreiv som fisker og fiskehandlar. Dei hadde 4 barn:

1. Bjørg, gift med Dagfinn Sporaland.
2. Ingrid Beathe, gift med Per (Ånestad 119. 4.).
3. Jon.
4. Kari, gift 1957 med Ola Dubland (sjå Bratland 41.).

105. Ole J. Opstad (91. 6.), f. 6-7 1901, d. 26-1 1943. Gift med Ingeborg Ege. Han tok over ein part av farsgarden, bnr. 4. Brorsonen, Jon R. Opstad, tok over etter han.

106. Sigfred Ueland (sjå Ånestad 107. 3.), f. 10-9 1899. Gift 13-5 1928 med Lisabet Opstad (sjå Bø 153. 1.), f. 24-7 1905. — Sigfred Ueland kjøpte bnr. 1 av Magnus Opstad i 1929. Dei har 3 barn:

1. Sofia Ueland, f. 29-4 1929, gift med Jon Undheim.
2. Hans Ueland, f. 8-8 1930, gift med Signy Omundsdotter Undheim, f. 5-3 1931. Brukar nå garden.

3. Bjørg Ueland, f. 20-12 1935, gift 1961 med Egil Bøe, Vigrestad.
107. Gustav S. Opstad (92. 5.), f. 28-11 1906. Gift 1930 med Anna Rasmusdotter (Auestad, Varhaug 49. 10.), f. 25-7 1908. Gustav Opstad tok over bnr. 11 etter faren, eller broren Elling, i 1930. Dei har 7 barn:
1. Steinar Opstad, fødd 1-11 1931, gift 1958 med Anna Eikeland, Vikeså i Bjerkiem.
 2. Ingrid Opstad, f. 19-12 1932, gift 1962 med Jomar (Obrestad 60.).
 3. Reidar Opstad, f. 6-10 1934, gift 16-8 1958 med Maria (Skjærpe 54. 1.). Han har teke over Skjærpe bnr. 3.
 4. Einar Opstad, f. 20-7 1937, gift 1-12 1962 med Agda (Rimestad 79. 2.).
 5. Magne Opstad, f. 23-11 1940, gift med Asbjørg Herikstad, Bryne, f. 2-9 1944.
 6. Gaute Opstad, f. 28-8 1944, gift 1966 med Kjellaug Kilen.
 7. Arne Opstad, f. 3-8 1949.
108. Alfred Årdal (86. 9.), f. 26-11 1903. Gift 1929 med Berta Sikveland, fødd i Gjesdal 29-4 1906, dotter til Teodor Kristianson Sikveland og Gurina Jonastr., f. Skårland. Alfred Årdal tok over Årdal bnr. 2 etter faren i 1929. Barn:
1. Arvid Årdal, fødd 11-8 1930, gift med Johanna Ueland.
 2. Tarald Årdal, f. 4-7 1932, gift med Hjørdis Hansdtr. Madland, Bryne, f. 28-6 1938.

3. Solveig Årdal, f. 12-8 1934, gift med Jens Jensen Stavnheim.
4. Arne Årdal, f. 12-10 1937, gift med Karen Maria Sikveland.
5. Gerd Årdal, f. 26-5 1942, gift med Kjell Mydland, f. i Heskestad 4-10 1938.

109. Elling Håland (Store Håland 32. 2.), f. 17-9 1889, d. på Nærbø (1960?). Han var mange år i Montana, der han var gift og skild. Heimkomen til Nærbø vart han gift 2) med enkja Magna Askø, f. Aadnesen 5-5 1892 (sjå Nærbø st. 8. 4.). Elling Håland kjøpte Årdal, bnr. 12 og 13 av Andreas Ueland. Det var der Elling sin far var fødd. I 1957 selde han til Gabriel Lende.

110. Jon R. Opstad (101. 1.), fødd 25-11 1923. Han tok først over den parten av bnr. 4 som farbroren Ole Opstad hadde brukt. Då faren døde tok han over hovedbruket etter han i 1955. Han er ugift.

111. Lars R. Opstad (101. 2.), fødd 13-11 1925. Gift med Anna (Skretting 142. 3.), fødd 20-7 1935. Han tok over bnr. 23 då broren Jon tok over hovedbruket.

112. Gabriel Jonson Lende (Torland 89. 1.), f. 9-3 1928. Gift 5-8 1950 med Berta Torkelsdtr. Gausland, f. i Time 19-3 1927, dotter til Torkel og Janna Gausland på Mossige (sjå Gausland 37. 2.). Gabriel Lende kjøpte Årdal bnr. 12-13 av Elling Håland i 1957.

G.nr. 36. Åna

113. Opstad Tvangsarbeidshus, Åna, eller rettare Anå eller Åno, gamale skrivemåte Aaen, var opphavelig ein husmannsplass under garden Opstad like eins som Sveine, Kanaheia og Årdal. I matrikkelen for 1886 er Sveine og Åna utskilde frå Opstad med eigne gnr. 34 og 36. Då staten kring 1910 kjøpte inn bnr. 1, 5, 6, 7, 9 og underbruka 14 og 15, Aaengen og Kanaheia og Anå gnr. 36, vart dette samanslege til ein gard med namnet Åna og gnr. 36, bnr. 1. Etter oppgave offentleg ein gard eller bruk på eit samla areal på kring 4000 mål med kring 1200 mål dyrka jord. Som dei fleste truleg veit, var tanken med denne garden å gje plass for dei lausare element mellom folket, landstrykarar og annan fant, som var godtfolk elles til besvær og argskap. Det var meininga at slike folk

ved eit opphald på "Opstad" skulle lærast opp i ymse arbeid og såleis, når læretida var slutt, vende tilbake til samfunnet som nyttige borgarar. Etter som det nå synast og høyrest ut har eksperimentet mislukkast, og at det helst er likt til at det heller har ført dei "innsette" lenger ut på skråplanet, enn det har ført til "oppreising" for dei. Det er difor nå sterke røyster for at "Opstad" skal nedleggjast som tukthus og arbeidskule for ein del av det norske folket. — Opstad Tvangsarbeidshus har no vore i verksemd i meir enn femti år. Der er ved slavearbeid dyrka meir enn 1000 mål jord. Men kven kan veta kva det har kosta av harm og liding for dei som har træla, og av pengar for samfunnet. Arbeidshuset (Opstad Tv.) vart "Åna Kretsfengsel" i 1970.

G.nr. 37. Låge-Håland
(ØYSTRE HÅLAND)

Ligg på ei flate som skiftar med Bø i nord, med Opstad i sør og med Store Håland i vest. I aust ender det i ein kile millom Bø og Opstad. — Denne garden hadde ei korn landskuld på 6 spand i 1723, som presten Ludvig Schultz og arvingane hans åtte til 1800. Sidan har oppsitjarane vore sjølveigande. Garden hadde berre eit bruk heilt til 1917. Nå har han 3 bruk.

NAMNEREGISTER

1. Elling Håland
- IB. Laurits Håland
2. Paul
3. Dagfinn Helgeson
4. Roald
5. Tørres Dagfinnson
- 5B. Tomas Lauge Håland
6. Hans Rasmusson Tvihaug
7. Kristen Helgeson Opstad
8. Sven Olson Gudmestad
9. Gunnar Jakobson Vøll
10. Rasmus Rasmusson Opstad
11. Ola Svenson Anestad
12. Sven Olson Håland
13. Ola Svenson Håland
14. Ola Olson Edland
15. Ole Larsson Håland
16. Gabriel Håland
17. Sven O. Håland
18. Odd O. Håland
19. Nils G. Håland
20. Sven G. Håland
21. Einar Skavland

1. Elling Håland er nemnd på Låge Håland 1591 til 1626. Han gav 2 sauskinn leidang i 1619/1629. I 1626 står han som eigar av 2 spand i Låge Håland.

IB. Laurits Håland gav 1 kalvskinn leidang i 1619 og 1629.

2. Paul Håland er på Låge-Håland i 1645.

3. Dagfinn Helgeson budde på Låge-Håland i 1645 og 1665. Han var fødd kring 1600 og døde i 1679, skifte etter han 25-2 det året. Kona heitte Margit Johannesdotter. Eg har tenkt, at han kanskje var son til Helge Risa (sjå Risa 5.). — Dei hadde 4 barn:

1. Tørres Dagfinnson Håland (5.).
2. Malena Dagfinnsdtr. var i København i 1679.
3. Anna Dagfinnsdtr. var gift på Auestad i Varhaug.
4. Joron Dagfinnsdtr. var gift på Anestad (sjå der 16.).

4. Roald Håland er på Låge-Håland i 1665. Han var fødd kring 1605 og kanskje gift med Elen Olsdotter Vigdel. (Det er muleg at Roald eller Roel skal lesast Powel, og at han var den same som Paul (2.) (sjå elles Sør-Tjemsland 12.).

5. Tørres Dagfinnson, son til 3., døde i 1693, skifte etter han 13-3 det året. Kona heitte Marit Svensdotter. Ikkje barn.

5B. Tomas Lauge Håland er nemnd i 1680 (sjå Tingbok II side 28).

(Ivar Risa med fleire selde Lauge Håland, 4 spand, til presten Peder Erikson Leganger på Haa i 1673. Tingbok I side 228.)

6. Hans Rasmusson Tvihaug, son til Rasmus Hansson Tvihaug og kona Kirsten Svensdtr. (Tvihaug, Varhaug 10.). Han var fødd kring 1656, død 1712, skifte 9-6 det året. Gift 1) med enkja etter Tørres Dagfinnson, Marit Svensdotter, som der var skifte etter 1-4 1696, gift 2) med Ingeborg Eriksdotter Bjorland (Bjorland

3. 4.). Hans tok over garden etter Tørres Dagfinson. Han hadde 5 barn i andre gifte:

1. Erik Hansson Gausland, f. 1697 (Gausland 9.).
2. Rasmus Hansson Nord-Varhaug, fødd 1710 (Nord-Varhaug 22.).
3. Kirsten Hansdtr., f. 1699, gift 1) med Halvard Asserson Grøtheim, gift 2) med Adne Hansson Grøtheim (Grøtheim 8. og 10.).
4. Marit Hansdtr., f. 1701, gift med enkjemann Ola Jakobson Stavnheim (sjå Stavnheim i Varhaug 17.).
5. Marit Hansdtr. d. y., f. 1703, gift med enkjemann Knut Asserson Reiestad i Varhaug (sjå der 18.).

7. Kristen Helgeson **Opstad** (sjå Opstad 23. 1.) var fødd kring 1687, — gift med enkja etter Hans Rasmusson, Ingeborg Eriksdtr., som der var skifte etter 11-10 1751. — Kristen byksla Låge Håland av Ludvig Schultz etter Rasmus Hansson truleg i 1712. Kristen Helgeson vart truleg seinare gift m. enkja etter Ola Monsen Nord-Varhaug, Kari Helgesdotter, og budde på Nord-Varhaug i 1758 (sjå der 24.). Han hadde ei dotter i første gifte: Ingeborg Kristensdtr., f. 1720, gift 1) med Sven Olson, gift 2) med Gunnar Jakobson (8. og 9.).

8. **Sven Olson Gudmestad** (Gudmestad 13. 2.). Fødd kring 1710, død 1741, skifte 6-4 det året. Gift med Ingeborg Kristensdotter. Dei fekk 2 barn: Ola og Ingeborg, som levde ved skiftet etter faren, men døde før dei var vaksne.

9. **Gunnar Jakobson Voll** var son til Jakob Gunnarson Voll i Varhaug og kona Marit Ingebretsdtr. (sjå Voll 18. 1.). Han var fødd kring 1722, død 28-4 1793, gift med enkja etter Sven Olson, Ingeborg Kristensdtr. som der var skifte etter 12-11 1787. Gunnar byksla dei 6 sp. av Schultz som han kjøpte av fru Valentinsen i 1771 for 120 rdl. 7 barn:

1. Maren, f. 1750, gift med Eivind Nilsson Tjensvoll i Time.
2. Ingeborg, f. 1752, gift med Samuel Olson Hognestad i Time.
3. Margreta, f. 1754, død ugift.
4. Elen, f. 1755, gift 1) med Rasmus Rasmusson (10.), gift 2) med Ola Svenson (11.).
5. Kirsten, f. 1757, gift med Jon Jonson Line.
6. Berit, f. 1758, gift med Tore Olson Gudmestad (Gudmestad 23.).

7. Berit d. y., f. 1761, gift med Peder Rasmusson Salte i Klepp.

10. **Rasmus Rasmusson Opstad** (Opstad 33. 6.), fødd kring 1759, død 20-12 1813, gift 20-3 1791 med Elen Gunnarsdotter Håland, fødd kring 1755 (9. 4.). Rasmus kjøpte odelsretten til Håland av Eivind Nilsson Tjensvoll i 1791 for 80 rdl. Ingebret Jakobson Sæland i Varhaug hadde fenge skjøte på dei 6 sp. i Håland av broren Gunnar Jakobson i 1779. Rasmus Rasmusson løyste inn dei 6 sp. i 1791 for 149 rdl. Dei hadde ikkje barn.

11. **Ola Svenson Ånestad** (Ånestad 52. 3.) var bror til Sven Svenson Store Håland (19.). Han var f. 1778, d. 16-8 1844, gift 1) 14-12 1814 med enkja etter Rasmus Rasmusson, Elen Gunnarsdtr. som døde 21-11 1819, gift 2) 21-3 1821 med Berta Larsdtr. Vigre, f. 7-10 1792, d. 11-4 1857 (sjå Vigre 35. 6.). Ola tok over bruket i 1814. Han fekk 4 barn i andre gifte:

1. Sven Olson Håland, f. 31-1 1823 (12.).
2. Elen, f. 1825, gift 12-6 1845 med Lars Olson Mossige.
3. Lars Olson Store Håland, f. 14-3 1828 (Store Håland 25.).
4. Ingeborg Maria, fødd 21-12 1834, gift 20-10 1853 med Hans Rasmusson Aen (Opstad 72.).

12. **Sven Olson Håland**, son til 11., f. 31-1 1823, d. 28-3 1911, gift 4-4 1850 m. Ragnhild Ingebretsdtr. Gausland, f. 8-8 1829, d. 22-12 1913 (sjå Gausland 22. 2.). Sven kjøpte 6 sp. av faren i 1844 for 350 spd. -f følge. Han var mykje nytta i det kommunale styre både som ordførar og i andre ombod. Kring 1880 gav han frå seg garden til sonen Ola og fekk ombod som stasjonsmeister på Varhaug. 9 barn:

1. Ola Svenson Håland, f. 11-7 1851 (13.).
2. Berta, f. 14-2 1854, gift 30-11 1874 med Mikkel Larsson Opstad (Opstad 80.).
3. Gurina, f. 4-5 1856, d. 5-6 1875.
4. Ingebret, f. 29-9 1858, d. i Amerika 20-4 1910, ugift.
5. Rakel Jorina, f. 29-3 1860, d. 28-10 1864.
6. Severine, f. 23-9 1862, gift 20-11 1890 med Erik Mikkelsen Husveg i Varhaug (sjå Husveg 42. 1.).
7. Sven, fødd 5-9 1865, død i Amerika 7-5 1906.
8. Rasmus Martin Håland, f. 5-5 1870, gift 4-2 1897 med Elen Rasmusdotter Bratland. Skreddar på Varhaug. — (Bratland 30.).
9. Gabriel Håland, f. 12-11 1872 (16.).

13. Ola Svenson Håland, son til 12., f. 11-7 1851, d. i Chicago 6-9 1889, ugift. Han tok over farsgården kring 1880. I 1882 selde han til Ola Eclland og reiste til Amerika.

14. Ola Olson Edland var son til Ola Svenson Fotland i Time og kona Johanna Pedersdr. Han var f. på Fotland 25-12 1835, gift 20-3 1868 med Lisa Svensdr. Næse, f. i Gjesdal 1847, dotter til Store-Sven Næse på Edland og kona Torgjerd Kjetelsdr. Ho var syster til Hans Svenson som er nemnd på Store-Håland (28.). Ola kjøpte Låge Håland av Ola Svenson i 1882. I 1893 selde han til Ola Larsson og reiste til Amerika. Han hadde butt først på Edland og så ei stund i Vanse før han kom til Håland. Dei hadde 15 barn: Av dei var 5 fødde på Edland, 4 i Vanse og 6 på Håland:

1. Janna, f. 1869.
2. Sven, f. 1871.
3. Thea, f. 1873.
4. Ola, f. 1875.
5. Lisa, f. 1875, d. på Håland 3-5 1888.
6. Hans, f. i Vanse 1877.
7. Olaf, f. 1879.
8. Inger Karoline, f. 1880.
9. Ole, f. 1882.
10. Kristian, f. på Håland 21-11 1884.
11. Ludvig, f. 3-6 1886.
12. Martin, f. 3-6 1886.
13. Karl, f. 4-5 1888.
14. Harald, f. 30-8 1890.
15. Lise Marie, f. 26-6 1892.

15. Ole Larsson Håland (sjå Store-Håland 25. 2.), f. 19-3 1862, d. 2-11 1936, gift 6-12 1894 med Elen Høyen, f. i Varhaug 2-3 1874, d. 18-10 1931, dotter til Sivert Rasmusson Høyen i Varhaug og kona Lavrensa Pedersdr. (sjå Sør-Varhaug 102. 6.). Ola hadde teke over bnr. 4 på Store-Håland, men i 1893 selde han det til Hans Svenson Næse og kjøpte Låge-Håland av Ola Edland. Han hadde 11 barn:

1. Lars, f. 4-9 1895, d. 27-11 1924.
2. Rakel Maria, f. 9-5 1897, d. 15-5 s. å.
3. Maria, f. 20-7 1898, sjukesyster.
4. Lena, f. 14-10 1900, gift 30-5 1936 m. lærar Peder Staurseth.
5. Sven Olson Håland, f. 18-8 1903, gift 21-6 1933 med Randi Hansen, fødd i Stavanger 7-10 1904. Bur på Håland, bnr. 1 (sjå 17.).
6. Elna, f. 1-5 1906.
7. Klara, f. 30-4 1908, gift 6-7 1935 med Børge Tønnesson Voll, f. 19-6 1912 (Voll 125. 4.).
8. Odd Håland, f. 7-7 1910, gift 2-8 1939

m. Johanna Eriksdr. Åse, f. i Klepp 15-9 1918. — Bur på Håland, bnr. 3.

9. Leikny, f. 16-8 1912, d. 23-4 1938. Sjukesyster.
10. Randi, f. 23-6 1915, gift 1949 med Einar Skavland Idsø, f. 17-6 1915. Bur på Håland, bnr. 4 Heimly. Jordmor.
11. Brita, f. 27-12 1917. Sjukesyster.

16. Gabriel Håland, son til 12., f. 12-11 1872, d. 23-4 1940. Han var mange år i Amerika, gift 30-4 1910 med Sisilie Eide, f. i Sand 31-7 1883, d. 30-9 1943. Gabriel kjøpte eit stykke av Håland, bnr. 2 Nysted. Han var bygningsmann. Barn:

1. Sven Håland, f. 22-1 1911, gift 21-7 1934 med Josefina Søyland.
2. Nils Håland, f. 28-8 1912, gift med Hanna Skrettingland.
3. Ragnhild, f. 26-10 1914.
4. Kirsten, f. 31-3 1917.

17. Sven O. Håland, son til 15., fødd 18-8 1903. Gift med Randi Hansen, fødd i Stavanger 7-10 1904, dotter til Bernhard og Anna Hansen. Sven Olson tok over bnr. 1 etter faren i 1933. Barn:

1. Ove Håland, f. 9-5 1934, gift 28-6 1958 med Waren Serine Vigedal, fødd i Bjerkreim (26-8 1932?).
2. Magne Håland, f. 25-8 1936.
3. Ester (Synøve?) Håland, f. 21-4 1940 (gift 21-7 1962 med Johannes Testad, Fåberg?).
4. Lars Håland, f. 14-1 1950.

18. Odd O. Håland, bror til 17., f. 7-7 1910, gift 2-8 1939 med Johanna Eriksdotter Åse, fødd i Klepp 15-9 1918. Han tok over ein part av farsgården, bnr. 3, i 1938. — Barn:

1. Ola Håland, f. 6-7 1940, gift med Asbjørg Tjelta.
2. Elen Helena Håland, f. 24-12 1944, gift med Jostein Egeland, Høyland.
3. Møyfrid Håland, f. 22-9 1947.
4. Erik Håland, f. 5-9 1952.

19. Nils G. Håland, son til 16., fødd 28-8 1912, gift med Hanna Skrettingland, f. i Varhaug 7-4 1920 (sjå Skrettingland, Varhaug 32. 7.). Nils Håland tok over bnr. 2 Nysted etter faren i 1941. Barn: Helge Håland, f. 11-7 1945.

20. Sven G. Håland, bror til 19., fødd 21-1 1911, gift 21-7 1934 med Josefina Søyland, fødd 1909 (Søyland 50. 2.). Han tok over ein part av farsgården, bnr. 6 Solheim. Barn:

1. Gabriel Håland, f. 1935.
 2. Einar Håland, f. 3-5 1938.
 3. Svein Håland, f. 14-3 1943, gift med Marit Endrerud, Kløfta.
 4. Marit Cecilie Håland, f. 21-1 1946, gift 1965 Per Emil Risa, Varhaug.
 5. Solveig Håland, f. 2-3 1948.
 6. Jofrid Håland, f. 30-6 1949.
21. **Einar Skavland Idsø**, son til Ingebret Idsø og Tora, f. Skavland, fødd på Idse (i Strand?) 17-6 1915, — gift 1949 med Randi Håland, fødd 23-6 1915 (15.10.). Bur på bnr. 4 Heimly. Barn:
 1. Ingvar Skavland, f. 18-8 1950.
 2. Leikny Skavland, f. 3-4 1952, d. 1953.
 3. Leikny Elin Skavland, f. 4-6 1953.

G.nr. 38. Store-Hdland
(VESTRE HÅLAND)

Store Håland hadde ei korn landskuld på 15 spand i 1723. Heile garden var benefisert Bø prestebol. Garden skiftar med Låge Håland i aust med Opstad i sør og Kvia i vest og Bø i nord. Garden er heller flat med ein stor høg sandås i sør-austre hyrne, der husa har stande og framleis står. Jorda er våtlendt sand-blanda leir og noko myr. Der har alltid vore gode høyslåtter.

NAMNEREGISTER

1. Ljødel Ellingson
- IB. Ola Tormodson Store Håland
2. Gitle Ljødelson
3. Ola Rasmusson
4. Ola (Johannesson?)
5. Rasmus Rasmusson
6. Rasmus Olson
7. Ola Johannesson Opstad
8. Ola Larsson Kvia
9. Albret Njærheim
10. Ola Rasmusson Håland
11. Rasmus Olson Nord-Varhaug
12. Elias Larsson Tjemsland
13. Rasmus Olson Bø
14. Elling Larsson Lerbrek
15. Lars Rasmusson Opstad
16. Torsten Ellingson
17. Sven Svenson Mossige
18. Rasmus Larsson (Store-Rasman)
19. Sven Svenson Anestad
20. Rasmus Larsson (Litle-Rasman)
21. Jon Jonson Refsnes
22. Sven Svenson Håland
23. Tolleiv Jonson Malmeim
24. Peder Olson Sveine
25. Lars Olson Håland
26. Sven Svenson Hustoft
27. Rasmus Jonson Håland
28. Hans Svenson Næse
29. Omund Rasmusson Opstad
30. Arnt Undem
31. Abraham Tunem

32. Henrik Jakobson Årdal
33. Rasmus O. Håland
34. Ole Tønnessen Håland
35. Ole Tjemsland
36. Jon Rasmusson Håland
37. Tønnes J. Reime
38. Adolf Tunem
39. Alfred Varhaug
40. Ragnvald Engelsvoll
41. Karl Håland
42. Jonas Tunem
43. Thomas Tjelta
44. Ragnvald og Asbjørn Skjærpe

STORE-HÅLAND

var øydegard i 1624.

1. **Ljødel Ellingson** er nemnd på Store-Håland i 1645/1665. Han var kanskje son til Elling Låge-Håland (sjå der 1.). Ljødel var fødd kring 1593, død 1675, skifte etter han 18-2 det året. Han hadde vore gift 2 gonger. Den første kona er ukjend. Den andre var Barbro Gitlesdr. frå Øksnevad i Klepp. I 1645 skatta Ljødel Håland 18 skilling. Han brukte heile garden, 15 sp., i 1665. Det året hadde han ein tenar, Laurits Helgeson, 10 år gamal, og ein knekt, Ola Olson, 20 år gamal. — Han hadde 6 barn i første gifte og 6 i andre:
 1. Adne Ljødeson Re, f. 1620, gift med enkja etter Ola Re, Anna Rasmusdr. Nærland (sjå Nærland 7. 3.).
 2. Malena Ljødesdotter, gift med Lars Njellson Helland i Gjesdal.
 3. Ingeborg Ljødesdr., gift med Peder Olson Nord-Varhaug (N-Varh. 12.).
 4. Ranveig Ljødesdr., gift 1) med Ola Paulson Opstad, gift 2) med Ivar Opstad (sjå Opstad 14. og 20.).
 5. Marit Ljødesdr. var gift m. (Omund Edland i Gjesdal?).
 6. Eli Ljødesdotter, gift 1) med Peder Bjelland, gift 2) med Ola Omundson Bjelland i Gjesdal.

7. Jon Ljødelson Ødemotland, — (sjå Ødemotland 5.).
8. Gitle Ljødelson Håland, f. 1650 (2.).
9. Elling Ljødelson, fødd 1651, gift med Guri Rasmusdr. — (Budde visst på Kjerval under Sele.)
10. Gitlaug Ljødesdr. var gift på Bergsagel i Høle.
11. Maren Ljødesdr., gift med Sven Rasmusson Vig frå Ueland.
12. Malena Ljødesdr. d. y. var død før 1709.

IB. Ola Tormodson Store Håland var laugrettesmann i 1682. Tru om han kunne vore frå Djøseland? (Den 19-11 1694 var Olle Thomasen Håland med fleire stemnd for resterande tinghald. — Sjå Tingbok II side 108.)

2. Gitle Ljødelson Håland, son til 1., var fødd kring 1650, død 1678, skifte etter han 12-12 det året. Han var såleis berre 28 år gamal då han døde. Kona heitte Aagott. Han åtte 9 spand $8\sqrt{2}$ merker i Figve i 1675 og brukte heile Håland, 15 spand, etter faren. — Berre ei dotter er nemnd:

Barbro Gitlestr. som var død før 1697.

3. Ola Rasmusson Håland var komen til Store Håland etter 1665. Han døde i 1695, skifte etter han 13-6 det året. Han var bror til Jon Vig som var gift med tremeningen hans, Gjertrud Sigvardsdr. Ola Rasmusson var gift med Randi eller Ranveig Rasmusdotter, som døde samstundes med Ola. Det er muleg at Ola først hadde vore gift med Barbro Gitlestr., enkja etter Ljødel Ellingson. — Han hadde 4 barn med Randi Rasmusdr.:

1. Rasmus Olson Håland (6.).
2. Anna Olsdotter (var kanskje gift med Simon Svenson Bø, Bø 36.).
3. Malena Olsdr.
4. Kirsten Olsdr.

(Garden må ha vorte skift mellom Gitle Ljødelson og Ola Rasmusson, då Ljødel Ellingson var død. Ola Rasmusson hadde ei syster, Ingeborg, — som var gift med Frede Knutson Njærheim, sjå Njærheim 43.).

4. Ola Johannesson var gift med enkja etter Gitle Ljødeson, Aagott (Ormsdr.?). Han døde i 1697, skifte 8-3. Etter Aagott var der skifte 27-9 1694. Så gifta Ola seg 2) med Sissel Tjærandsdotter Opstad (sjå Opstad 16. 4.). Han hadde ei dotter i første gifte og ein son i andre:

1. Anna Olsdr.
2. Gitle Olsson.

5. Rasmus Rasmusson var son til Rasmus Hansson Tvihaug og Kirsten Svensdr. (sjå Tvihaug i Varhaug 10. 3.). Han var fødd kring 1663, skifte 5-2 1723, gift 1) med enkja etter Ola Håland (4.), Sissel Tjærandsdr., som der var skifte etter 23-4 1716, gift 2) med Sissel Olsdr. (Varhaug?). Rasmus tok over parten etter Ola Johannesson). (Sør-Varhaug 25. 3.) Han hadde ein son i første gifte og 2 i andre:

1. Rasmus Rasmusson Ueland, f. 1698 (sjå Ueland i Varhaug 20.).
2. Hans Rasmusson, f. 1718.
3. Ola Rasmusson Håland, f. 1720 (10.).

6. Rasmus Olson, son til 3., f. 1676, levde i 1758. Det er uvisst kven han var gift med, men det er truleg at ho heitte Gitlaug. Der er nemnde 3 barn:

1. Ola Rasmusson, f. 1699 (sjå Bø 46.).
2. Gitlaug, fødd kring 1710, gift med Ola Larsson (8.).
3. Siri, gift 1) med Samuel Ellingson Næsheim, gift 2) med Kornelius Pederson Sele (sjå Næsheim 44. og 47.).

Barna åtte 1 pund arvegods i Næsheim som Elling Samuelson løyste inn i 1656. Den 5-1 1756 finn me i Panteboka: "Vi Cornelius Pedersen paa min hustru Siri Rasmusdatters vegne, 9 sp.----- Samuel Samuelsen på egne vegne, $3\frac{3}{5}$ sp. — — Ole Larsen Haaland paa min hustrus, Gitlaug Rasmusdatters vegne, $1\frac{1}{5}$ sp. der nu alt afhendes til Elling Samuelsen som selv arvet ifølge skiftebrev af 15-12 1741, $3\frac{3}{5}$ sp. i Næssem — — item jeg Torkel Olsen Næssem selger til fornefnte Elling Samuelsen 6 sp. saa han nu ialt er eiende for 1 pund eller 24 sp. i Næssem, det han self bruger og bebor, etc. . . ." Ola Rasmusson Bø er ikkje nemnd her, så han har kanskje vore halvbror til Gitlaug og Siri?

7. Ola Johannesson Opstad (sjå Opstad 21. 2.). Han var fødd kring 1690, død 1751, skifte 1-12 det året. Gift med enkja etter Rasmus Rasmusson, Sissel Olsdr. Ola Johannesson byksla $7\sqrt{2}$ spand etter Rasmus Rasmusson i 1723 av Hrr Ludvig Schultz. Dei hadde 3 søner:

1. Rasmus Olson Njærheim, f. 1723 (sjå Njærheim 66.).
2. Johannes Olson, f. 1730, d. 1767, ugift. Han tente på Obrestad i 1758, 28 år.
3. Ola Olson Skrettingland, f. 1731, gift

med Ingeborg Gjerømondsdr. Skrettingland (sjå der 12.).

8. Ola Larsson Kvía (sjå Kvía 18. 3.). Han var fødd kring 1707, død 1759, skifte 6-12 det året. Gift med Gitlaug Rasmusdotter Håland (6. 2.), fødd kring 1710. Ola Larsson byksla 7% spand etter Rasmus Olson (6.) frå 1742. Han var stemt for retten i 1739 for han hadde slege Rasmus Håland (6.?). — (Sjå Tingbok, side 241 og 257.) Dei hadde 6 barn:
1. Rasmus Olson, f. 1739, død på Aniksdal, ugift.
 2. Lars Olson Aniksdal, f. 1741 (Aniksdal i Varhaug 41.).
 3. Ola Olson, f. 1743.
 4. Gitlaug Olsdr., f. 1745, gift med Gjerømund Larsson Lerbek i Varhaug (sjå der 16.).
 5. Ola Olson d. y., f. 1747.
 6. Anna Olsdr., f. 1750.
9. Albret Albretson Njærheim (Njærheim 56.). Han hadde byksla 3 vett i Håland som Rasmus Olson fekk byksla att i 1757. Dette kan ikkje vera rett. For det første var ikkje heile Håland meir enn 15 sp., og for det andre var aldri Albret Albretson på Håland. Det var Rasmus Olson Håland som løyste av Albret på 13 spand i Njærheim i 1757.
10. Ola Rasmusson Håland var yngste son til 5. Han var fødd kring 1720, død 1758, skifte 4-3 det året. Gift med Kirsten Rasmusdotter Skjærpe, fødd kring 1720 (Skjærpe 14. 2.). Ola Rasmusson hadde byksla 7[^] spand etter stykfare, Ola Johannesson. Då han var død gifta enkja seg med Rasmus Olson frå Nord-Varhaug (11.). Ola Rasmusson fekk ein son:
Ola Olson, f. 1766. (Sjå Tingbok VI side 154.)
11. Rasmus Olson Nord-Varhaug (Nord-Varhaug 18. 9.), var fødd kring 1732, død 18-7 1805. Gift 1758 med enkja etter Ola Rasmusson (10.), Kirsten Rasmusdotter, som døde 21-4 1807. — Dei var syskenbarn. Rasmus Olson byksla dei 7^{1/2} spand etter 10. (Eg har stundom tvila på om denne Rasmus Olson var frå Nord-Varhaug. Han må i alle høve vera den same som er førd på Njærheim 75., og han kunne ikkje butt 2 stader samstundes.) Dei fekk ei dotter:
Malena Rasmusdr., f. 1760, gift med Lars Rasmusson (15.).
12. Elias Larsson Tjemsland var son til

Lars Helgeson Sør-Tjemsland i Varhaug og kona Marit Eriksdr. (Sør-Tjemsland 17. 4.). Han var fødd kring 1731, død på 5. Tjemsland 3-11 1797, gift 1) med enkja etter Ola Larsson (8.), Gitlaug Rasmusdr. Ho døde på Sør-Tjemsland 17-3 1790. Elias byksla dei 7^{1/2} spand av Bendiks Djurhuus i 1760 etter Ola Larsson. I 1761 byksla Rasmus Olson Bø denne parten, og Elias flutte til Blåberhodl under S. Tjemsland. Han hadde ikkje barn.

13. Rasmus Olson Bø (Bø 56.) byksla dei 7^{1/2} sp. av Bendiks Djurhuus i 1761 etter Elias Larsson. I 1773 sa han frå seg 3% sp. til Elling Larsson Lerbek. Eg siterar frå panteboka: "Då Rasmus Olsen Haaland d. e. har afstaaet til Rasmus Olsen Haaland d. y. 3% sp. i Store Haaland, som han hidtil har brukt,-----Og da alle husene skal tilhøre Elling Larsen alene, saa gjør jeg Niels Grøver vitterlig at have bøkslet 3²A sp. i Haaland til Rasmus Olsen d. y., saaledes at han som ovenmeldt er nyder ingen huse af inde eller udehuse, da samme skal allene tilhøre Elling Larsen Lerbek, men bruger de 3% sp. ager og eng for sin livstid, saafremt han i rette tid udreder de deraf gaaende kongelige skatter og contributioner, samt beneficatio sin lovlige rettighed. Niels Grøver." Rasmus flutte så til Lerbek, der han budde til 1777, då han flutte heim til Bø.

14. Elling Larsson Lerbek var truleg son til Lars Bårdson Mid-Salte i Klepp og første kona Ingeborg Ellingsdr. Han var fødd kring 1717, død på Håland 2-11 1792, gift med Malena Tjærandsdotter Grødeland, fødd kring 1728, død på Håland 16-6 1792 (Sør-Reime 15. 2.) Elling hadde butt på Lerbek før han i 1773 byksla dei 3% sp. på Håland av Nils Grøver etter Rasmus Bø som då flutte til Lerbek. 4 barn:

1. Lars Ellingson Aen, f. 1754, gift med Gitlaug Roaldsdr. Ueland (Ånestad, Varhaug 54.).
 2. Tjærland Ellingson, f. 1757.
 3. Elling Ellingson Stølane, f. 1759, gift med Karen Larsdr. Kalsvaren (sjå Håland i Varhaug 35.).
 4. Torsten Ellingson Håland, fødd 1762 (16).
15. Lars Rasmusson Opstad (Opstad 33. 3.), var fødd i 1752, død 29-5 1826. Gift med Malena Rasmusdotter Håland (11. 6.), fødd 1760, død 9-4 1826. Lars Ras-

musson byksla *II*/[^] sp. av Nils Grøver, presten på Haa, i 1780, etter verfare, Rasmus Olson. Dei fekk 9 barn:

1. Kirsten Larsdotter, f. 1780, gift 28-6 1818 med Sven Svenson Anestad. — Budde på Håland (19.).
2. Inger Larsdtr., f. 1781, gift med Sven Svenson Risa (Risa 61.).
3. Malena Larsdtr., f. 1783, gift 15-10 1815 med Elias Tollakson Hetland i Ognå.
4. Rasmus Larsson Håland, f. 1788 (18.).
5. Lavrensa Larsdtr., f. 1793, gift 6-2 1814 med Gunnar Eivindson Tjensvoll (sjå Voll i Varhaug 67.).
6. Rasmus Larsson Håland d. y., f. 1797 (20.).
7. Ane Berte Larsdtr., f. 1800, gift 1825 med Tjøl Pederson Håland i Varhaug (sjå der 51.).
8. Tore Larsson, f. 1802, d. 6-3 1804.
9. Taletta Larsdtr., f. 1804, d. 2-1 1814.

16. Torsten Ellingson Lerbrek var son til 14. Fødd på Lerbrek i Varhaug i 1762, død truleg på Bratland i 1825. Gift 11-10 1789 med Marta Olsdotter Auestad i Varhaug, fødd kring 1764, død på Bratland 8-12 1815 (sjå Auestad 22. 1.). — Torsten var korporal, seinare sersjant. I 1790 byksla han 3% spand i Store Håland av Nils Grøver etter faren på vilkår at han gav foreldra oppsett. — I 1801 sa han frå seg denne bykselen og flutte til Bratland i Varhaug (sjå der 18.). Dei fekk 6 barn på Håland og 3 på Bratland:

1. Elling Torstenson, f. 1790, d. s. året.
2. Ole Johannes Torstenson, f. 14-8 1791, gift 18-1 1824 med Berta Adnesdtr. Gjertholen (Reiestad 27. 1.). Ole Johannes døde som folgemann under Håland i Varhaug 19-6 1831.
3. Elen Malena, f. 6-10 1793.
4. Rakel, f. 13-9 1795, d. 4-6 1799.
5. Tønnes, f. 5-11 1797, d. 1798.
6. Tønnes, f. 26-10 1800.
7. Paul, f. 10-10 1802, d. 19-9 1834, ugift.
8. Rasmus, f. 3-12 1805.
9. Tobias, f. 3-7 1808, gift 1) med ? ? ?, gift 2) i Stavanger 12-7 1857 m. Anna Johanna Olsdtr. (Rugland 21 3.).

17. Sven Svenson Mossige var son til Sven Ingebretson Mossige i Time og kona Astrid Hansdtr. frå Risa. Han var f. 1769, d. 26-8 1849, gift 24-2 1801 med Anna Larsdtr. Garpestad, f. 1777, d. 5-12 1831, — dotter til Lars Pederson Garpestad i Time og kona Inger Jonsdtr. Sven byksla 3% sp. i Håland av Kastrup i 1801 etter Torsten Ellingson. — 8 barn:

1. Astrid, f. 7-2 1802, d. 2-11 1851, ugift. Ho hadde ei dotter: Asselina, f. 1-7 1830, gift i Stavanger 10-5 1854 med bygningsm. Morten Sigbjørnson frå Lund. Faren var Ole Petter Gunnarson Bomsholm frå Øyestad (Ødemotland 10. 6.).
2. Inger, f. 13-11 1803, d. 14-2 1808.
3. Sven Svenson Håland, fødd 26-2 1806 (22.).
4. Lars, f. 3-8 1808, d. 8-11 1814.
5. Inger, f. 20-11 1810, gift 1842 med Gunnar Olson Smørholen (Rugland i Varhaug 27.).
6. Sivert, f. 3-4 1813, gift 21-12 1855 med Berta Svendsdtr. Kleven, f. i Hjelmeland. Bygningsmann i Stavanger.
7. Anna, f. 28-9 1815, gift i Stavanger 17-4 1843 med Andreas Johannesson, 36 år (Johannes Roaldson).
8. Lars, f. 12-4 1820, gift i Time 1847 med Ingeborg Olsdtr. Mossige. Budde på Boganes.

18. Rasmus Larsson (Store-Rasman) var son til 15, f. 1788, d. 15-12 1861, gift 23-3 1817 med Rakel Olsdotter Heien, (sjå Håland, Varh. 32. 2.), f. 1789, d. 5-3 1873. Rasmus byksla dei *III*/^{*} spand etter faren i 1824 av presten Søren Michael Kastrup. Dei fekk 11 barn:

1. Rasmus Rasmusson, f. 14-7 1816, d. 23-7 same året.
2. Ola Rasmusson, f. 2-4 1816, d. 1-3 1846, ugift.
3. Malena Rasmusdtr, f. 28-9 1817, gift med Jon Jonson (21.).
4. Berta Rasmusdtr, f. 11-6 1819, gift 1848 med Sven Svenson Kolnes, 51 år gamal.
5. Lars Rasmusson, f. 26-4 1821, d. 9-10 same året.
6. Lavrensa Rasmusdotter, f. 20-9 1822, gift i Hetland 21-8 1849 med matros Sven Erikson, 29 år (son til Erik Bjørnson).
7. Taletta Rasmusdtr, f. 1-1 1825, død som enkje og fattiglem på Hinna 24-2 1900.
8. Lars Rasmusson, f. 21-6 1827, gift 8-5 1851 med Inger Kirstine Gabrielsdtr. Malmeim, f. i Høyland 12-12 1821, gift 2) 1-6 1860 med Karen Malena Olsdtr. frå Eigersund, gift 3) 11-10 1872 med Berta Børildsdtr. frå Høyland. Han var bøkkar i Stavanger.
9. Rakel Rasmusdtr, f. 17-5 1829, gift m. Kristian Erikson Haugland, dokkarbeidar i Stavanger.
10. Rasmus Rasmusson, f. 16-5 1831, gift i Stavanger 9-11 1860 med Berta

Sofia Torgersdtr. Øvre Håland i Time. Han var bygningsmann i Stavanger.

11. Tønnes Rasmusson, f. 17-2 1834, gift i Håland 10-12 1863 med Karen Kristine Monsdtr. Sørnes, 28 år (dotter til Mons Gitleson). Han var skomakar i Stavanger.
19. Sven Svenson Ånestad var son til Sven Erikson Ånestad i Varhaug og kona Marta Olsdtr. (Ånestad 52. 7.). Han var f. 3-5 1789, d. 11-10 1868, gift 28-6 1818 med Kirsten Larsdtr. Håland (15. 1.). Sven var husmann i Hagen. Dei fekk 3 barn, og Kirsten hadde dessutan 2 barn:
 1. Sven Svenson Opstad, f. 15-7 1803, gift med enkja etter Rasmus Rasmusson Opstad, Anna Johanna Omundsdotter (Opstad 63.). Faren var Sven Johannesson Risa (Risa 55. 1.).
 2. Kristina Sivertsdtr., f. 8-4 1814, gift 14-11 1850 med enkjemann Gabriel Torjusson Røderullen (Kvia 45.). — Faren var Sivert Svenson Risa (Risa 51. 3.).
 3. Lars Svenson, f. 10-10 1818, d. som barn.
 4. Marta, f. 2-7 1821, d. 10-11 s. å.
 5. Marta, f. 31-7 1822, gift 14-3 1850 med sjømann Ola Olson Vinge. Ola Vinge død før 1865, Marta d. 7-12 1890. Dei hadde ei dotter: Kirstine, f. 6-4 1851, gift med Josef Kahn i USA. — Marta Svendsdtr. hadde ein son: Kristian Kristianson, f. 10-1 1848, gift i Stavanger 7-11 1872 med Sikke Maria Toresdtr. Hinnaland, 21 år. Bakar. Kirstine Olsdtr. Vinge var gift 1) i Stavanger 1-4 1872 med Torger Torgerson Aniksdal. Dei reiste til USA.
- Sven Svenson var dørvaktar og gravar ved Nærbø kyrkja.
20. Rasmus Larsson Håland (Litle-Rasman), son til 15., f. 15-10 1797, d. 3-9 1880, gift 30-3 1843 med Berta Kirstina Pedersdtr. Tjemsland, f. 12-10 1808, dotter til Peder Asbjørnson S-Tjemsland i Varhaug og kona Berta Tjøsdr. (sjå S-Tjemsland 24. 8.). Rasmus var husmann på Hustoft under Store Håland. Han var mykje nytta som kjøkemeistar i vertskap. Dei hadde 7 barn, og Rasmus dessutan ei dotter:
 1. Kirstine, f. u. e. 20-9 1829, gift i Klepp 6-4 1854 med Elling Svenson Stavneheim frå Varhaug.
 2. Jonas Rasmusson, f. 8-10 1835, gift 30-11 1860 med Olea Hansdtr. frå Gjerpen. Han var sjømann i Stavanger.
 3. Lars, f. 11-7 1843, gift med Katharina

Knutsdtr. frå Eigersund. — Han var skipstømmermann i Stavanger.

4. Malena, f. 31-3 1845.
5. Peder Rasmusson Torland, fødd 30-8 1847 (sjå Torland 70.).
6. Bernt, f. 23-5 1850. Han var gartner og budde i Porsgrunn.
7. Rasmus, f. 29-5 1852, d. 25-11 1882, gift 1-4 1875 med Anna Olsdtr. Skretting, f. 8-11 1852, d. på barnseng 21-9 1878, dotter til Ola Pederson Skretting i Varhaug og kona Anna Olsdotter (Skretting 75. 6.). Rasmus budde ei stund på Hustoft der ein son var fødd: Rasmus, f. 25-12 1876.
8. Kirstine, f. 8-5 1856, gift 25-10 1882 med Søren Bernhard Sigbjørnson i Eigersund. — Ho hadde 1 u. e. barn: Bertine, f. 14-5 1878.
21. Jon Jonson Refsnes var son til Jon Rasmusson Refsnes og kona Karen Antoniusdtr. Han var f. 16-3 1811, d. 4-12 1863 (sjå Refsnes 4. 4.), gift 9-4 1839 med Malena Rasmusdtr. Håland, f. 28-9 1817, d. 7-1 1881 (18. 3.). Jon fekk kongeskjøte på *HYÉ* sp. i 1852 for 400 spd. 9 barn:
 1. Rakel Maria, f. 25-1 1840, gift 15-11 1859 med enkjem. Lars Olson Håland (25.).
 2. Karen, f. 15-5 1843, d. 1844.
 3. Jon, f. 9-11 1847, d. 8-6 1853.
 4. Rasmus Jonson Håland, f. 1-1 1850 (27.).
 5. Malena, f. 14-7 1852, gift 26-11 1877 m. Sven Erikson Skretting i Varhaug.
 6. Jon, f. 30-8 1855, gift 12-4 1888 med Anna Sofie Hansdtr. Jøsang. Budde på Karmøy og var skomakar.
 7. Joakim, f. 3-4 1858, gift med Ingeborg Grøtheim i Randeberg. Han var arbeidsmann i Stavanger.
 8. Karen Elisabet, f. 18-8 1860, d. 27-8 s.å.
 9. Elisabet Kirstine, f. 20-5 1862, d. 1945, gift 7-4 1892 med Jonas Hansson Vigrestad. Budde på Stølane (Håland i Varhaug 88.).
 22. Sven Svenson Håland, son til 17., f. 26-2 1806, d. 4-7 1876, gift 20-5 1847 med Ingeborg Pedersdtr. Torland, f. 27-9 1811, d. 29-12 1894 (Torland 47. 2.). Sven fekk kongeskjøte på 3% sp. i 1846 for 150 spd. Ein son:
 - Sven Svenson Håland, fødd 13-7 1849 (26.).
 23. Tolleiv Jonson Malmeim var son til Jon Tormodson Malmeim i Høyland og kona Malena Tolleivsdtr. Han var f. i Høyland 11-4 1822, d. 2-9 1898, gift 1)

6-10 1852 med Maria Olsdr. Undheim, f. i Time 24-3 1823, d. 11-3 1886, gift 2) med Inger Hansdtr., f. 1843. — Tolleiv kjøpte 1 sp., Hagen, av Jon Jonson i 1858 for 100 spd. Han selde til Peder Olson kring 1863 og flutte til Malmeim. 2 barn fødte på Håland:

1. Ola, f. 13-10 1860.
2. Tomas, f. 15-8 1862.

24. Peder Olson Sveine (sjå Opstad 67.), kjøpte Hagen av Tolleiv Jonson Malmeim kring 1863.

25. Lars Olson Håland (sjå Låge Håland 11. 3.), f. 14-3 1828, d. 30-9 1901, gift 1) 19-6 1855 med Kirsten Toresdtr. Nord-Halleland i Varhaug, f. 26-9 1823, d. 8-12 1856, dotter til Tore Svenson Nord-Halleland og kona Guri Omundsdotter (sjå (N-Halleland 23. 1.), gift 2) 15-11 1859 med Rakel Maria Jonsdtr. Håland (21. 1.), f. 25-1 1840, d. 12-2 1910. Lars fekk kjøpe eit stykke av Store Håland av vermora i 1866, Døldarbakken, av skuld 2 ort 18 skill, for 1200 kroner. Nå bnr. 4. Han hadde 7 barn i andre gifte:

1. Kirstina, f. 14-7 1860, d. 11-6 1883, ugift.
2. Ole Larsson Håland, f. 19-3 1862 (Låge Håland 15.).
3. Jon, f. (1865?), gift i Amerika m. dotter til Sven Svenson Risa (Risa 83.).
4. Tobias, f. 4-2 1867, d. 11-2 s. å.
5. Jonas, f. 12-2 1870, gift i Amerika med dotter til Sven Svenson Risa (Risa 83.).
6. Bertinius, f. 11-12 1870, d. 16-1 1871.
7. Betuel, f. 6-9 1872, gift med Karen Nærland Njærheim (Njærheim 140.).

26. Sven Svenson Håland Hustoft, son til 22., f. 13-7 1849, d. 9-5 1933, gift 26-6 1871 med Inger Jorina Sigbjørnsdtr. Risa, f. 11-7 1846, d. 1-6 1879 (Risa 71. 3.). Sven tok over bnr. 1 etter faren. I 1893 selde han til Henrik Jakobson Årdal og flutte til Hustoft, bnr. 5. — 5 barn:

1. Sven, f. 30-12 1871, d. 1872.
2. Sven, f. 20-3 1873. Reist til Montana.
3. Ingeborg Berte, f. 12-10 1874, gift med Jeremias Torgerson Herigsfad (sjå Bø 150.).
4. Anna, f. 12-9 1876, d. 14-9 1889.
5. Sem Håland, f. (1878?). — Reist til Montana.

27. Rasmus Jonson Håland, son til 21., f. 1-1 1850, d. 12-2 1893, gift 3-4 1879 med Ane Svensdtr. Opstad, f. 2-2 1849, d. 27-10 1918 (Opstad 70. 1.). Rasmus tok over

bnr. 3 av mora i 1873 for 400 spd. Dei fekk 6 barn:

1. Malena, f. 10-1 1880, d. 19-5 1885.
2. Jon Rasmusson Håland, f. 12-4 1881, d. 17-7 1954, ugift. Han tok over bruket etter mora. — I 1953 tok systersonen Ragnvald Engelsvoll over bruket. — Jon selde heile bumarka til Ragnvald Skjærpe.
3. Sven Håland, f. 1883, gift med Teresia Næse, f. 1881. Bur i Stavanger.
4. Malena, f. 28-6 1885, gift med Ola Engelsvoll (Bø 156.).
5. Rasmus Håland, f. 15-12 1887, gift 24-4 1908 med Taletta Rasmusdotter (Tjemsland i Varhaug 57. 2.), f. 16-8 1881, d. 22-1 1967. Budde på Revheim.
7. Ragnhild, f. 11-3 1890, gift 22-10 1907 med Lars Larsson Ånestad (Ånestad 99. 5.), f. i Varhaug 7-12 1885.

28. Hans Svenson Næse var son til Sven Hansson Næse i Gjesdal (Store-Sven) og kona Torgjerd Kjetelsdotter, f. 1841, d. 1924, gift med Ingeborg Katharina Jonsdtr. Lille-Drange, f. 1844, d. 1920. Dei budde ei stund på bnr. 4. Hadde visst butt på Lunde i Vanse, og budde seinare på Hinna (Grannes i Madla). Hans var smed. Dei hadde 9 barn, men ingen av dei var fødte på Håland. — Eg tek dei likevel med her:

1. Inger Tonette, f. Tjersland pr. Flekkfjord 1872, gift med Ingvald Pedersen, Stavanger.
2. Julianne, f. Tjersland 1873, gift med Ingebret Tobiasson Rangen i Canada (sjå Kvia 42. 2.).
3. Sven, f. 1873, d. ugift. Målar i Stavanger.
4. Karoline, f. på Lunde 1877, d. i Amerika.
5. Hans, f. på Lunde 1879. Handelsmann i Sokndal.
6. Theresia, f. 1881, gift med Sven Rasmusson Håland (27. 3.).
7. Kristian, f. 1883. Bonde i Hjelmeland. Ugift.
8. Kristiane, f. 1885, gift med Sigurd Gudjonson frå Island.
9. Anne Birgitte, f. Vigen i Sokndal 1888. Bur i Stavanger.

29. Omund Rasmusson Opstad (Opstad 62. 2.), f. 14-4 1838, d. 4-4 1896, gift 17-4 1877 med Marta Maria Pedersdtr. Sveine, f. 21-1 1845, d. 1-4 1909 (dotter til 24.). Omund budde ei stund på Grønholen under Efjestad i Varhaug. I 1892 tok han over bnr. 2 på Håland, Hagen, etter Peder Olson. Han hadde ein son:

- Rasmus O. Håland, f. 15-3 1883, gift 23-3 1910 med Grete Tunheim, Håland, f. 1881 (31. 2.). Han tok over Hagen etter mora i 1909. Dei har 2 barn:
1. Olaf, f. 6-12 1911.
 2. Maria, f. 8-3 1915, gift med Arthur Vilhelmsen i Stavanger.
30. Arnt Udem (sjå Bø 137.). Budde på bnr. 4 etter Hans Næse. — Han kom til Håland i 1896 og flutte til Gudmestad i 1897.
31. Abraham Tunem var son til Ola Tor-kelson Tunheim og kona Marta Maria Olsdtr. frå Kverneland. Han var fødd i Time 9-9 1848, død 30-7 1937, gift 3-3 1880 med Anna Jonasdtr. Helland, fødd i Time 28-7 1857, død 15-3 1956, dotter til Jonas Andersson Helland og kona Greta Olsdtr. Abraham kjøpte bnr. 4 av Arnt Udem i 1897. — Han hadde vore fleire vender i Montana før han kom til Håland, og han gjorde ennå ei reis etter han var komen der. Dei hadde 10 barn:
1. Marta Maria, f. på Helland 2-4 1880, d. 15-1 1960, gift med Andreas Kåsa, f. 1873, bonde og anleggsformann.
 2. Grete, f. på Helland 17-1 1882, gift med Rasmus O. Håland (Håland 29.).
 3. Oskar Tunem, f. 3-10 1883 på Helland, d. i Amerika 1921, ugift.
 4. Jonas Tunem, f. i Nærbø 4-9 1885 (sjå 42.).
 5. Anna Alette, f. 29-8 1887, gift med sakførar Collins i Chicago.
 6. Tomine, f. i Time 24-9 1889, gift med Erik Erikson i Seattle.
 7. Abraham, f. i Nærbø 16-11 1891, gift 2 gonger og busett i Amerika.
 8. Jakob, f. 20-5 1896, gift og busett i Amerika.
 9. Adolf Tunem, f. på Håland 5-3 1898, gift med Jørgine Helvig, f. 26-7 1901. Adolf tok over bruket på Håland etter faren. I 1937 selde han til Alfred Varhaug og flutte til Nærbø der han kjøpte hus på Urheia. Han var seinare i fast arbeid ved Nærbø Meieri. Dei er barnlause, men ei adoptivdotter: Astrid Tunem.
10. Margit Tunem, f. 20-5 1900, gift med Halvard Olson Gautun, f. i Suldal 20-6 1882. Busett i Sand.
32. Henrik Jakobson Årdal (sjå Årdal 69. 1. Opstad), fødd 5-3 1849, død 9-3 1944. Gift 5-7 1887 med Tabitta Ellingsdotter (Herigstad i Varhaug 61. 3.), fødd 31-12 1867, død 19-4 1933. Henrik kjøpte bnr. 1 av Sven Svenson Hustoft i 1893. Seinare var han 3 vender i Montana, der han dreiv med sauegjæting. — Dei fekk 7
1. Jakob Håland, fødd 26-3 1888, død i Montana. Han var som faren sauegjætar.
 2. Elling Håland, f. 17-9 1889 (Opstad 109.).
 3. Henrik Håland, f. 6-9 1891, d. 18-12 1915.
 4. Gina Håland, fødd 20-9 1896, — gift 1) i Montana med Hjalmar Beckman, gift 2) med Knut Lien, busett i Mont-^{tsin.81}
 5. Ingvald Håland, f. 17-10 1898, d. 13-12 same året.
 6. Tora Håland, f. 29-11 1908, gift 1934 med Nils N. Reime (sjå Gudmestad 70.).
 7. Karl Håland, f. 26-7 1902 (41.).
33. Rasmus O. Håland, son til 29., fødd på Grønholen i Varhaug 15-3 1883. Gift 23-3 1910 med Grete Tunheim (31. 2.), f. i Time 17-1 1882, d. 22-10 1967. Rasmus tok over bnr. 2 Hagen, i 1909, etter mora. Barn:
1. Olaf Håland, f. 6-12 1911.
 2. Maria Håland, f. 8-3 1915, gift med Arthur Vilhelmsen, Stavanger.
34. Ole Tønnesen Håland, son til Tønnes Tollakson under Håland i Varhaug og kona Torborg Maria Olsdtr. (sjå Bø 146.). Kring 1912 kjøpte han ein part på Håland av Henrik Håland, bnr. 9. Selde seinare til Ole Tjemsland og flutte til Eigersund.
35. Ole Tjemsland (sjå Nord-Tjemsland, Varhaug 38. 2.), fødd 16-6 1875, død 13-12 1929. Gift 1903 med Petrine Haga, fødd 1875. Han kjøpte bnr. 9 av Ole Tønnesen. Enkja selde til Henrik Risa i 1936. Barn:
1. Alvhild Tjemsland, f. i Odda 13-7 1908, gift 20-5 1934 med Ola Ask (Bjorland 31. 3.).
 2. Sigrid Tjemsland, f. på Varhaug 17-8 1911.
36. Jon Rasmusson Håland, son til 27., f. 12-4 1881, d. 17-7 1954. Han tok over bnr. 3 etter mora som døde i 1918. Jon Håland var ugift, og systersonen, Ragnvald Engelsvoll, fekk garden. Han selde ein stor part utmark til Ragnvald og Asbjørn Skjærpe i 1950 (Skjærpefeltet).
37. Tønnes J. Reime (Ødemotland 18. 2.), f. 26-3 1891, gift 14-11 1913 med Ingeborg

Ueland, fødd i Time 9-6 1886, dotter til snikker Erik Ueland på Nærbø og kona Anna Maria Tolleivsdotter, f. Helland i Time. Tønnes Reime er murar. I 1913 kjøpte han ein part utmark av Henrik Håland, bnr. 8. Dei har 4 barn:

1. Anna Maria Reime, f. 11-8 1914, gift 12-7 1947 m. byggmeister Martin Olai Gya.
2. Målfrid Reime, f. 4-6 1916, gift med Olav Ollestad, Heskestad.
3. Einar Reime, fødd 7-5 1918, gift med Ingrid Grov, fødd i Varhaug 1-11 1918 (Øystein og Asgerd Grov) — (Ingrid Maria). Bur på Skjærpe. Vegsjef.
4. Jon Reime, f. 28-9 1921, gift 30-6 1956 med Ingrid Helene Lende, Torland, f. 11-5 1933 (Torland 89. 4.). — Bur på Håland.

38. Adolf Tunem, son til 31., f. 5-3 1898, gift med Jørgine Helvig, f. i Eigersund 26-7 1901. Adolf tok over bnr. 4 etter faren i 1928. I 1937 selde han til Alfred Varhaug og flutte til Nærbø, bur på Urheio. Ikkje barn.

39. Alfred Varhaug (Sør-Varh. 115. 5.), f. 8-9 1903, gift 1937 med Anna Auestad, f. i Varhaug 6-10 1905 (Auestad 47.). Alfred Varhaug kjøpte bnr. 4 av Adolf Tunem i 1937. Barn:

1. Oddvar Varhaug, f. 4-5 1938.
2. Kåre Varhaug, f. 21-10 1939, gift 1967 med Svanhild Maria Skretting.
3. Judith Varhaug, f. 15-6 1941, gift 29-12 1960 med Harald Nærland (Næsheim 120. 3.).
4. Gerd Varhaug, f. 2-5 1943, gift med Olav Øgreid, Helleland.
5. Åse Varhaug, f. 28-1 1945, gift 21-10 1967 med Rasmus Pollestad, Nærbø.
6. Britt Tone Varhaug, f. 3-8 1949.

40. Ragnvald Engelsvoll, — son til Jon Svenson Ueland i Varhaug og Malena Rasmusdr., f. Håland (27. 4.). Han er fødd 10-1 1902, gift 28-10 1933 med Ingeborg Marie Larsen, fødd på Nærbø stasjon 22-10 1915, dotter til smed Lars Larsen og Inga Bertine, f. Skjærpe (sjå Skjærpe 34. 10.). Ragnvald Engelsvoll budde først på Lura. Så tok han over mora sin part på Bø. I 1953 tok han over morbroren, Jon Håland sin part på Håland, bnr. 2. Dei har 8 barn:

1. Leif Engelsvoll, f. 13-3 1936, gift 1955 med Torunn Varhaug, f. i Varhaug 2-7 1936 (Varhaug 137. 2.). Han er sjøm., busett på Håland.

2. Malena Engelsvoll, f. 9-9 1937, gift 26-11 1960 med Erik Idland, Gjesdal. Bur på Idland.
3. Inga Berit Engelsvoll, f. 19-12 1938, gift 22-12 1956 m. sjømann, styrmann Kjell Ole Thorske, Stavanger.
4. Olaug Engelsvoll, f. 1-3 1940, gift 4-10 1958 med Jonas Ueland, Skretting.
5. Ingrid Engelsvoll, f. 7-6 1942, gift 26-11 1960 med Paul Netland, f. i Time 26-4 1936. Bur på Netland.
6. Reidar Engelsvoll, f. 7-6 1942.
7. Anne Gerd Engelsvoll, f. 17-3 1945.
8. Marit Engelsvoll, f. 12-9 1948, gift 11-11 1967 med Jan Oddvar Engelsvold, Drøbak.

41. Karl Håland, son til 32., f. 26-7 1902, d. 6-3 1959, gift 1933 med Magnhild Tunheim, fødd i Time 15-12 1909, dotter til Tobias Larsson Tunheim frå Bjorheim (sjå der 19. 2.) og kona Ane Justine Tønnesdr., f. Sørskog i Ognå (Sæland, Varhaug 25. 7.). Karl Håland tok over bnr. 1 etter faren i 1937. Barn:

1. Harald Håland, f. 9-5 1934.
2. Tordis Håland, f. 16-2 1937, gift 1-9 1962 med Gabriel Rimestad (Rimestad 74. 8.).
3. Åsta Håland, f. 6-3 1942.
4. Torunn Håland, f. 31-7 1952.

42. Jonas Tunem, bror til 38., f. 4-9 1885. Han var mange år i Amerika, der han var gift. Då han vart enkjemann i 1918 kom han heim og tok over bnr. 10 Solberg, etter faren, då han var død i 1937. Han har ikkje hatt barn.

43. Thomas Olausson Tjelta er fødd på Tjelta i Håland 2-11 1914, gift 1941 med Kari Kvia, fødd 4-3 1916 (Kvia 73. 3.). Thomas Tjelta kjøpte bnr. 5 Hustoft av Sven Svenson (26.) si dødsbu i 1949. — Attåt jordvegen driv han som anleggsarbeidar. Barn:

1. Asbjørg Tjelta, f. 7-3 1942, gift med Ola Håland.
2. Oddvar Tjelta, f. 17-6 1943.
3. Ove Tjelta, f. 29-2 1948, gift 1968 med Gunnvor Kjetland, Haugesund.
4. Tor Tjelta, f. 8-11 1950.

44. Ragnvald og Asbjørn Skjærpe (sjå Skjærpe 53.) kjøpte heile utmarka av Jon Håland (36.). — Det var der dei eksperimenterte med "Skjærpepløgen", og pløyde opp omkring 100 mål mark på mindre enn 10 år. Sidan har Asbjørn Skjærpe teke over bruket (bnr. 11?).

Rettingar og tillegg til Gards- og Ættesoga for Nærbo

Rimestad side 20: 76. 3. står Johanna Margrete gift 1967 med Per Møller, Oslo. Det rette er gift 1952 med Garmann Laland, Høyland.

Høyland side 62: 157. 3. står Peder Mikal Høyland gift 2) med Sille Djøseland. Det rette er gift 2) med Herborg Martinsdr. Salte. Sille Djøseland er gift med sonen Peder P. M. Høyland. Sjå Reime 63. og 63. 2.

Høyland side 67: 185. Olaf O. Høyland. Nr. 1 av barna manglar og elles noko feil. Her kjem lista over barna:

1. Bjørg, f. 16/2 1927, g. 17/4 1957 m. Jakob Bu, Jøssinghamn i Sokndal, f. 11/4 1929.
2. Oleiv Høyland, f. 25/4 1929, g. 21/12 1963 m. Kirsti Torland, f. 18/6 1935.
3. Aasa, f. 3/1 1931, g. 5/8 1950 m. Dagfinn Salte, Klepp. Har gard på Salte.
4. Bjarne Høyland, f. 26/3 1933, g. 4/9 1959 m. Ingfrid Hauge Thu i Klepp. Har gard på Rimestad, bnr. 1.

Nærland side 84: 54. Enok Nærland g. m. Perna Lovise. Det rette er Lovis Perna Elisabeth.

54. 4. Arnljot, g. 1961 m. Hanna Marie Draune Modum, f. 1922.

54. 6. Liv, g. m. Hans Hurden. Det rette er Hans Hurlen.

54. 7. Øystein, f. 14/6 1925. Det rette er f. 8/6 1925.

54. 9. Bjørg, f. 29/9 1928. Det rette er f. 29/10 1928.

Nærland side 85: 64. 3. Ingunn Nærland, g. 19/7 1969 m. Eivind Tore Fagermoen, Ski, f. 20/5 1945.

64. 4. Rune Nærland, død 15/12 1961.

67. Eivind A. Nærland. Ei dotter ikkje opp-

ført: Berit Irene, f. 23/2 1950, g. 1971 m. Jon Kaare Holen, Time.

70. 1. står Else Nærland, det rette er Else Liv Nærland.

Njærheim side 97: 90. Ingebret Rasmussen. Det står 11 barn i første gifte, det rette er **12**.

90. 9. Anna Johanna, f. 1811, det rette er f. 1817 og død 1905. Var gift med Villas Gundersen Søyland, f. på Søyland, Gjesdal, juni 1808. Bøkker i Stavanger.

Njærheim side 108: 158. Ola Mellemstrand. Barn:

1. Oddvar, f. 27/11 1946.
2. Stein, f. 9/9 1955.

159. Sigurd Mellemstrand. Barn:

1. Oddmund, f. 3/3 1944, g. 1965 m. Else Motland.
2. Rasmus, f. 7/6 1949.

Obrestad side 155: 42. Der står Guri Obrestad, f. 17/1 1883, det rette er 27/1 1883.

42. 4. Der står Gudmund, f. 27/7 1914, det rette er 28/6 1914.

42. 5. Ragnar. Der står g. m. Gustine Espeland, det rette er Kristina Espeland.

Obrestad side 157: 52. Aage Obrestad. Mor til Magnhild heiter Benta, ikkje Berta. Barna til Aage:

1. Torstein, f. 29/12 1954.
2. Bjørg, f. 22/3 1956.
3. Jarle, f. 13/11 1957.
4. Inger Berit, f. 4/1 1964.

60. Jomar Obrestad. Barn:

1. Torbjørn Tobias, f. 31/1 1964.
2. Gunnar, f. 13/1 1965.
3. Solveig, f. 2/12 1967.

Reime side 168: 55. Tønnes Rasmussen Reime. Datter Klara (6) oppført som gift med Arthur Håland, Varhaug. Klara er ugift.

Reime side 170: 63. Peder Mikal Tobiasson Høyland. Her er to døtre ikkje innført. Dei kjem som nr. 4 og 5:

4. Berta, f. 22/1 1915, g. 11/6 1933 m. Johan Waldeland, Vigrestad.
5. Margit, f. 27/5 1916, g. 1935 m. Erling Waldeland, Vigrestad.

Reime side 171: 76. Peder P. M. Høyland (63. 3.), f. 29/1 1912, g. 1931 med Sille Tønnesdtr. Djøseland, f. 14/1 1912. Brukar Storebakken. Barn:

1. Tora Margrete, f. 10/4 1932, g. 24/5 1952 m. Odd Bjerkreim, foreldre Teoline og Teodor Bjerkreim. Deira dotter, Torhild Bjerkreim, g. 11/9 1971 m. Arnstein Jonsen Reime (Ødemotland 27. 4.).

Sør-Reime side 180: 60. Alfred Olai O. Sør-Reime (40. 8.) kjøpte bnr. 6 av Trygve T. Sør-Reime (54) ca. 1960.

61. Ommund H. Sør-Reime (50. 1.), f. 1942, g. 25/5 1968 med Anne Karin Larsen, Sandnes, foreldre Elfrida og Olaf Larsen. Han har overteke bnr. 2 etter faren.

Næsheim side 217: 113. Gabriel Nærland. 113. 10. står Sigrid g. m. Erling Erland, det rette er g. m. Einar Thorsen. 113. 11. står Else g. m. Einar Thorsen, det rette er g. m. Erling Erland.

Næsheim side 218: 116. 4. står Olina T. T. Gudmestad, f. 3/1 1929, g. m. Kåre Fjogstad, det rette er g. m. Arne Fjogstad, f. 31/10 1926.

Kvia side 256: 77. Nils Hatteland, står 5 barn, det rette er 6 barn:

1. Lidvor Kjellaug, f. 14/8 1935, misjonnær.
2. Knut, f. 5/9 1936. Overteke fars-garden.
3. Paul, f. 3/12 1937, g. 1959 m. Gunhild Dagsland, Skjold. Eig gard på Haugstad i Varhaug.
4. Sigrun Hatteland, f. 2/8 1939.
5. Berit, f. 15/8 1943, død 12/3 1950.
6. Kari Ingfrid, f. 9/11 1946.

Nærbø side 298: 125. Ragnar Fitje, gift 9/10 1943. Barn:

1. Reidun, f. 13/8 1944.
2. Rannveig, f. 1/12 1945.

3. Audny, f. 29/11 1948.
4. Frøydis, f. 13/4 1956.
5. Åshild, f. 17/6 1963.

Nærbø side 300: 147. Anton Torland. Ein son ikkje oppført:

3. Arne Torland, f. 19/12 1954.

Nærbø side 301: 164. Olav Hognestad. Det står g. m. Helena Hortemo, f. i Høvang. Det rette er fødd i Høvaag, dotter til Torborg og Edvard Høvaag.

Bjorland side 310: 32. 2. Det står Hans Bjorland, g. 19/5 1948, skal vera 29/5 1948 m. Olaug Borgny Rusdal, f. 22/12 1922, skal vera f. 12/11 1924.

Torland side 324: 70. 8. Står Jon P. Torland, f. 12/10 1894, død 29/9 1966, det rette er f. 27/1 1894, død 28/9 1966.

70. 9. Står Reinert, f. 12/10 1896, død 23/9 1966, det rette er f. 12/10 1896, død 30/12 1939.

Torland side 326: 85. 2. Står Torstein, f. 13/10 1919, det rette er f. 15/1 1919.

Torland side 327: 92. 4. Ragnvald O. Torland, f. 24/2 1921, tvillingbror til Odd. Skoten av tyskarane i Trandumskogen.

92. 7. Martin O. Torland, g. 1955 m. Hen-ny Haugland, f. i Time 26/10 1932.

Låge-Håland side 456: 21. Einar Skavland Idsø. 4 barn:

1. Ingvar Skavland Idsø, f. 18/8 1950.
2. Leikny Skavland Idsø, f. 3/4 1952, død 1953.
3. Leikny Elin Idsø, f. 4/6 1953.
4. Anne Torlaug Idsø, f. 14/10 1957.

Store Håland side 462: 28. Hans Svenson Næse. Det står: Han budde seinare på Gran-nes i Madla, det rette er Grannes i Sola.

Store Håland side 463: 35. Ole Tjemsland, g. m. Birgith Petrine Aga, f. 28/12 1875, død 11/4 1970. Barn:

1. Elsie Margaretha, f. 19/4 1903.
2. Edith, f. 31/10 1904, g. m. Kristian Fredriksen, bosted Tyssedal.
3. Alvhild, f. 25/10 1906, død mars 1907.
4. Alvhild, f. 13/7 1908, g. m. Ola Ask, Nærbø.
5. Sigrud, f. 17/6 1911, g. m. Karsten Gullhaug, Solør.
6. Olga Borghild, f. 25/7 1914, g. m. Øystein Randa, Oslo.
7. Sverre, f. 15/7 1916, g. m. Karin Holm-berg, bosted Hamar.
8. Ester, f. 30/12 1919, død 1933.